



# Studiehandboka 2002-2003

---

## Generell del

### Avdeling for humanistiske fag

- Engelsk (1, 2 og grunnfag)
- Historie
- Mediekunnskap årseining (60 studiepoeng)
- Norsk grunnfag (60 studiepoeng)
- Norsk (nordisk) språk og litteratur - mellomfagstillegg
- Norsk (nordisk) storfag (30 studiepoeng)
- Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar (NUS)
- Norwegian culture studies in Volda
- Mastergrad i nynorsk skriftkultur (120 studiepoeng)
- Tysk grunnfag

### Avdeling for lærarutdanning

#### Grunn- og profesjonsstudium

- Avdeling for lærarutdanning - fellesdel
- Allmennlærerutdanning, 4-årig i Volda (AU)
- Allmennlærerutdanning, deltid regionbasert
- Førskulelærerutdanning, 3-årig bachelorstudium
- Media, IKT og design, 3-årig bachelorstudium
- Praktisk-pedagogisk utdanning

#### Fag- og vidareutdanningar

- Drama
- Estetiske fag (drama, musikk og forming), 30 studiepoeng
- Friluftsliv, 30 studiepoeng
- Friluftsliv påbyggingseining (mellomfagstillegg), 60 studiepoeng
- Informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- Kroppsøving 2, 30 studiepoeng
- Kroppsøving årseining, 60 studiepoeng
- Kunst og handverk 2, 30 studiepoeng
- Kunst og handverk 3, 30 studiepoeng
- Matematikk 1, 30 studiepoeng
- Matematikk 2
- Musikk 2, 30 studiepoeng
- Musikk 3, 30 studiepoeng
- Musikk årseining, 60 studiepoeng
- Musikk 2. årseining
- Organisasjon og leining i barnehagen, 30 studiepoeng

- Pedagogisk arbeid på småskulesteget 1, 30 studiepoeng
- Pedagogisk arbeid på småskulesteget 2, 30 studiepoeng
- Samfunnsfag 1 , 30 studiepoeng
- Samfunnsfag 2, 30 studiepoeng
- Spesialpedagogikk 1. avd., Volda og Ålesund, 30 studiepoeng
- Spesialpedagogikk 2. avdeling, 60 studiepoeng
- Utefag, 30 studiepoeng

## **Avdeling for mediefag**

- Animasjonsutdanning, 180 studiepoeng
- Fjernsynsreportasje og dokumentar, 60 studiepoeng
- Informasjonsutdanning, 180 studiepoeng
- Journalistutdanning, 180 studiepoeng
- Mediekunnskap 1, 30 studiepoeng
- Mediekunnskap 2, 30 studiepoeng
- Offentleg informasjon, 15 studiepoeng
- Medievitskap, 45 studiepoeng

## **Avdeling for samfunnsfag**

### **Institutt for planlegging og administrasjon**

- Institutt for planlegging og administrasjon - felles for grunnutdanningane
- Samfunnsvitskap årsstudium, 60 studiepoeng
- Offentleg administrasjon, 2-årig høgskulekandidatutdanning
- Offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging, 3-årig bachelorutdanning
- Omtale av bachelormodulane på institutt for planlegging og administrasjon, alfabetisk
- Vidareutdanning/Mastergradsstudium på institutt for planlegging og administrasjonM

### **Institutt for kristendom og kyrkjefag**

- Kateketutdanning, 4 år
- Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering 1, 30 studiepoeng (nettvariant)
- Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering 2, 30 studiepoeng (Volda)
- Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering 2, 30 studiepoeng (nettvariant)
- Kristendoms-kunnskap grunnfag, 60 studiepoeng
- Kristendoms-kunnskap mellomfagstillegg, 30 studiepoeng
- Kristendoms-kunnskap og menighetsarbeid, med vekt på ungdomsarbeid, 60 studiepoeng
- Kyrkjeleg administrasjon årsstudium, 60 studiepoeng
- Praktisk-kateketisk årsstudium, 60 studiepoeng
- Kristeleg ungdomsarbeid , 30 studiepoeng
- Examen philosophicum, 15 studiepoeng
- Examen facultatum, 15 studiepoeng

### **Institutt for sosialfag**

- Barnevernpedagog- og sosionomutdanning
- Vidareutdanning i rus- og avhengighetsproblematikk 1



- **GENERELL DEL**

- [Studentkontoret](#)
- [LEIING - ADMINISTRASJON - STYRINGSORGAN](#)
- [Kvalitetsreforma](#)
- [Universitetslova](#)
- [FORSKRIFT OM EKSAMEN VED HØGSKULEN I VOLDA](#)
- [RETNINGSLINJER FOR EKSAMENSKANDIDATAR](#)
- [Reglement for studentframmøte ved Høgskulen i Volda](#)
- [Forskrift om skikkethetsvurdering i lærerutdanningene.](#)
- [Forskrift om klagenemnda ved Høgskulen i Volda](#)
- [Forskrift om prosjekt- og klientpraksis ved sosionom- og barnevernspedagogutdanningane ved Høgskulen i Volda.](#)
- [Forskrift om krav til bredde og fordypning for grader og yrkesutdanninger ved universiteter og høgskoler](#)

## GENERELL DEL

I denne handboka har vi samla informasjon som vil vere nyttig for deg som student ved Høgskulen i Volda. Her kan du orientere deg om lover og reglar som er felles for alle utdanningane ved høgskulen. Du finn opplysingar om korleis høgskulen er organisert, og om kvar du kan finne meir informasjon.

Fagplanen for kvart studium må lesast saman med den generelle delen av studiehandboka.

Eit samla oversyn over den generelle delen og alle fagplanane ved høgskulen ligg tilgjengeleg på Studentkontoret på nett (sjå kontaktinformasjon nedanfor).

## STUDENTKONTORET

Studentkontoret er studieadministrasjonen si informasjons- og serviceteneste ved Høgskulen i Volda. Her finn du informasjon knytt til det å vere student ved høgskulen, og du får utføre alle dei vanlegaste studieadministrative tenestene.

På studentkontoret på nettet finn du informasjon om tenestene våre, fagplanar og gjeldande lover og reglement. Dersom det vert gjort endringar i fagplanar eller i lover og reglar i dette heftet, vil dei bli kunngjort på Studentkontoret på nett.

### Tenester

På Studentkontoret kan du få informasjon om og hjelp til mellom anna følgjande:

- Opptak
- Semesterregistrering
- Statens lånekasse; søknad om og utbetaling av studielån

- Innpassing av utdanning i eit studium
- Studierettleiing
- Internasjonalisering, studieopphald i utlandet
- Studentkort
- Eksamen; oppmelding, avmelding, den praktiske avviklinga av eksamen
- Karakterar og vitnemål
- Permisjonar og søknadar om overflytting

### **Kontakt oss:**

Ekspedisjonstid i semesteret: måndag til fredag, 10.00 til 15.00.

Telefon: 7007 5018.

Post: Høgskulen i Volda, Studentkontoret, Postboks 500, 6101 Volda.

E-post: [studentkontoret@hivolda.no](mailto:studentkontoret@hivolda.no)

Internett: <http://www.hivolda.no/studentkontoret/>

## **LEIING - ADMINISTRASJON - STYRINGSORGAN**

### ***Leiing og administrasjon***

Frå 1.august 1994 er høgskulen sitt øvste styringsorgan eit styre samansett av rektor, prorektor, 3 fagleg tilsette, 1 administrativ tilsett, 2 studentar og 3 eksterne representantar. Fagleg leiar er rektor i heil stilling, vald av dei tilsette og studentane. Administrativ leiar er høgskuledirektøren. Fellesadministrasjonen er lokalisert til Berte Kanuttehuset, 3 etasje. Det er eit prinsipp at studentane skal ha valde representantar i alle organ, utval og komitear som arbeider med faglege spørsmål, administrative saker og den vidare utviklinga av høgskulen.

### ***Interne styringsorgan***

#### **Styret**

Styret for Høgskulen i Volda er høgskulen sitt øvste interne styringsorgan, og skal særleg arbeide med forslag overfor fagleg og administrativ leiing når det gjeld undervisning, utvikling av nye studietilbod, byggjepolitikk og budsjettpolitikken ved høgskulen.

#### **Høgskulerådet**

Høgskulerådet er rådgivande organ for styret i saker som vedkjem hovudlinene for institusjonen si verksemd eller som prinsipielt har mykje å seie for høgskulen. Rådet skal fungere som informasjons- og kontaktorgan mellom styret og fagmiljøa, og fagmiljøa seg imellom.

#### **Avdelingsstyre**

Høgskulen i Volda har fire avdelingar: Avdeling for humanistiske fag, Avdeling for lærarutdanning, Avdeling for mediefag og Avdeling for samfunnsfag. Kvar av dei fire avdelingane skal ha eige avdelingsstyre som øvste styringsorgan. Endeleg samansetting av dette skal fastsettast av styret for høgskulen etter retningsliner frå departementet.

#### **Dekanus**

Det skal veljast ein leiar for avdelingsstyret, dekanus, som skal føre tilsyn med verksemda i avdelinga.

## **Avdelingsadministrasjon**

I kvar avdeling er det ein avdelingsadministrasjon med fast tilsett administrativ leiar (kontorsjef).

## **Grunneiningar**

Departementet kan etter forslag frå styret godkjenne at det vert oppretta grunneiningar innanfor avdelingane. Grunneiningane kan etter avdelinga si godkjenning vere ansvarleg for undervisning, forskning, fagleg utvikling og anna fagleg verksemd innanfor bestemte fagområde.

Ved HVO er Ivar Aasen-instituttet ei grunneining utan avdelingstilknytting. Det har eige styre som ligg direkte under styret for høgskulen.

## **KVALITETSREFORMA**

Studieåret 2002-2003 byrjar Høgskulen i Volda innføringa av Kvalitetsreforma, ei reform som skal vere innført i heile universitets- og høgskulesystemet seinast hausten 2003. Dette vil påverke din studentkvardag på følgjande måtar i det neste året:

### **Ny tidsrekning - Studiepoeng erstattar vektal**

Studiepoeng erstattar vektal som mål på normert studietid. Eitt års fulltidsstudium er normert til 60 studiepoeng, der det tidlegare var på 20 vektal. Samtidig vert studieåret utvida ved at eksamensperiodane blir kortare.

### **Bokstavkarakterar i staden for tal - på alle karakterutskrifter og vitnemål**

Den nye karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for stått, og F for ikkje stått. Det gamle karaktersystemet med tal og desimalar går ut av bruk.

Innføring av ny karakterskala medfører at studentar som er inne i et studieløp på overgangstidspunktet vil få vitnemål med både gamle og nye karakterar, og med både vektal og studiepoeng. For å hjelpe desse studentane vil Høgskulen omtale desse endringane i dokumentasjonen på fullført utdanning.

Eventuelle karakterar som normalt ville bli slått saman ved bruk av same karakterskala, kan ved innføringa av ny karakterskala bli ståande med eigne karakterar på vitnemålet. I staden for ein samla karakter får studentane ei godkjenning på grunnlag av delkarakterane.

Utsette eller nye eksamenar relatert til ordinære eksamenar frå før 01.09.02 vert sensurert etter gammal skala, under føresetnad av at dei ikkje fell saman med ordinær eksamen. Dersom ny/utsett eksamen fell saman med ordinær eksamen, skal alle eksamenssvara vurderast etter ny ordning.

Nye studentar ved HVO vil berre få bokstavkarakterar, men kan få innpassa tidlegare utdanning med gamal karakterskala.

### **Cand.Mag.-graden ut, bachelorgrad inn**

Bachelorgraden erstattar cand.mag.-graden på lågare nivå. Graden får ei normert studietid på tre år, der cand.mag.-graden før var på fire år. Mastergraden erstattar hovudfaget på høgare nivå, med normert studietid på to år utover bachelorgraden.

Som ny student kan du ikkje lenger få cand.mag.grad, men studentar som er i gang med ein cand.mag.grad kan fullføre denne innan 1. august 2005. Det er ikkje mogleg å få begge gradene.

Du kan få innpassa tidlegare utdanning i ein bachelorgrad ved HVO. Alle halvårseiningar, eitt-årige studium, påbyggingsstudium og poenggivande vidareutdanningar ved høgskulen vil også kunne innpassast i den nye gradsstrukturen.

### **Utdanningsplanar, tettare oppfølging og studieplanlegging**

Studentar som tek til i bachelor- og mastergradsløp hausten 2002 får ved studiestart tildelt ein utdanningsrettleiar. Studenten og rettleiaren skal saman setje opp ein utdanningsplan for studenten. Avtalen er bindande, men kan reforhandlast kvart semester. I avtalen kan det inngå informasjon både om faglege læringsmål, spesialiseringar og studieopphald ved andre institusjonar i inn- og utland.

### **Forsøk med nye vurderingsformer**

Ei rekkje studietilbod ved høgskulen vil i det komande studieåret legge om vurderingsformene sine, frå store slutteksamenar til meir studentaktive læringsformer og vurdering undervegs. Dette er ein prosess du som student kan påverke gjennom å engasjere deg i fagutvalet på studiet ditt.

## **UNIVERSITETSLOVA**

Lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler, med endringar 28. juni 2002.

### **Kapittel 1. Virkeområde og formål**

#### **§ 1. Institusjoner loven gjelder for**

Institusjoner loven gjelder for

1. Denne loven gjelder for statlige høgre utdanningsinstitusjoner:

a) universiteter

b) vitenskapelige høgskoler

c) statlige høgskoler

d) kunsthøgskoler

2. Kongen fastsetter institusjonsstruktur. Hvilken kategori den enkelte institusjon tilhører, avgjøres av Kongen på grunnlag av en uavhengig faglig vurdering. Kongen fastsetter institusjonens navn.

3. Kongen kan bestemme at deler av loven skal gjelde for andre statlige institusjoner som gir utdanning på faglig nivå med universiteter og høgskoler.

Endret ved lover 19 juni 1997 nr. 84, 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 2. Institusjonenes virksomhet**

1. Institusjonene under denne lov skal gi høgre utdanning som er basert på det fremste innen forskning, kunstnerisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. Institusjonene innenfor høgre utdanning og forskning skal samarbeide og utfylle hverandre i sine faglige aktiviteter (Norgesnett). Utdanningstilbud skal utformes og ses i sammenheng med andre nasjonale og internasjonale utdanningstilbud.

2. Institusjonene skal drive forskning og faglig utviklingsarbeid og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid.

3. Institusjonene kan ikke gis pålegg om læreinholdet i undervisningen og innholdet i forskningen eller det kunstneriske og faglige utviklingsarbeid.

4. Institusjonene har ansvar for å formidle kunnskap om virksomheten og for å utbre forståelse for og anvendelse av vitenskapens metoder og resultater, både i offentlig forvaltning, kulturliv og næringsliv.

5. Institusjonene skal samarbeide med samfunns- og arbeidsliv.

6. Institusjonene har organisatorisk og faglig ansvar for å gi tilbud om etter- og videreutdanning på sine fagområder.

7. Universitetene og de vitenskapelige høgskolene har et særlig nasjonalt ansvar for grunnforskning og forskerutdanning og for å bygge opp, drive og vedlikeholde forskningsbiblioteker og museer med vitenskapelige samlinger og publikumsutstillinger. Andre institusjoner kan tillegges et tilsvarende ansvar på sine særskilte fagområder. Kunsthøgskolene skal ivareta et nasjonalt ansvar for hele bredden av forsknings- og utviklingsoppgaver på sine fagområder.

8. Institusjonene skal ha tilfredsstillende interne systemer for kvalitetssikring. Studentevaluering av utdanningen skal inngå i systemene for kvalitetssikring. Departementet kan gi forskrift.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 2a. Forsøksvirksomhet**

Departementet kan, etter innstilling fra styret, vedta at det kan gjøres avvik fra loven og forskriftene til loven i forbindelse med tidsavgrensede pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

Tilføyd ved lov 25 juni 1999 nr. 48.

### **Kapittel 2. Institusjonens ledelse**

Overskriften endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 3. (Opphevet ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).)**

#### **§ 4. Institusjonens styre**

1. Styret er det øverste organ ved institusjonen. Det har ansvar for at den faglige virksomheten holder høy kvalitet og for at institusjonen drives effektivt og i overensstemmelse med de lover, forskrifter og regler som gjelder og de rammer og mål som gis av overordnet myndighet.

2. Styret skal trekke opp strategien for institusjonens utdannings-, forsknings- og annen faglig virksomhet og legge planer for den faglige utvikling i samsvar med de mål som er gitt av overordnet myndighet for sektoren og institusjonen.

3. Styret har ansvaret for at institusjonens økonomiske ressurser og eiendom disponeres i overensstemmelse med bestemmelser om dette gitt av departementet, og etter forutsetninger for tildelte bevilgninger eller andre bindende vedtak.

4. Styret selv fastsetter virksomhetens interne organisering på alle nivåer. Organiseringen må sikre at studentene og de tilsatte blir hørt.

5. Styret skal hvert år, etter nærmere retningslinjer gitt av departementet, avgi årsregnskap med redegjørelse for resultatene av virksomheten og legge frem forslag til budsjett for kommende år.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 5. Delegasjon**

1. Alle beslutninger ved institusjonen truffet av andre enn styret, treffes etter delegasjon på styrets vegne og på dettes ansvar.

2. Styret kan delegere sin avgjørelsesmyndighet til andre ved institusjonen i den utstrekning det ikke følger av denne lov at styret selv skal treffe vedtak, eller det er andre særlige begrensninger i adgangen til å delegere.

3. For så vidt gjelder §§ 32 og 50 kan departementet, etter forslag fra styret, bestemme at styret kan delegere myndighet til andre ved institusjonen.

4. Styret avgjør klage over vedtak truffet av andre som har fått delegert myndighet etter § 5 nr. 2, i den utstrekning dette ikke er delegert til styrets klagemnd, jf § 24 nr. 1. Tilsvarende avgjør avdelingen klage over vedtak truffet av grunnenhet.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 6. Styrets sammensetning**

1. Styret består av rektor, prorektor, to medlemmer valgt blant tilsatte i undervisnings- og forskerstilling, ett medlem valgt blant de teknisk og administrativt tilsatte, to medlemmer valgt blant studentene og fire eksterne medlemmer. Rektor er styrets leder.

2. Medlemmene av styret er fritatt fra ordinær arbeidsplikt i funksjonsperioden i den grad vervene gjør det nødvendig. Styret fastsetter fritakets omfang og innhold.

3. Eksterne styremedlemmer og studenter har krav på en rimelig godtgjøring for vervet, etter regler fastsatt av styret.

4. Departementet kan i særlige tilfeller fastsette annen styringsordning enn bestemt i nr. 1.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

**§ 7. (Opphevet ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).)**

**§ 8. (Opphevet ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).)**

### **§ 9. Rektor og prorektor**

1. Rektor er styrets leder. Rektor har på styrets vegne det overordnede ansvar for og ledelse av institusjonens virksomhet og fører tilsyn med denne. Rektor, og i dennes sted prorektor, har rett til å delta i møter i alle institusjonens styrer, råd og utvalg.

2. Rektor er institusjonens rettslige representant og institusjonens talsperson overfor offentlige myndigheter og allmennheten.

3. Rektor avgjør saker i det omfang disse ikke kan utsettes til styret kan komme sammen i møte. Rektor kan også gis fullmakt til å avgjøre løpende saker som bør avgjøres før neste ordinære styremøte, og som ikke anses som viktige nok til at ekstraordinært møte innkalles. I personalsaker kan rektor bare beslutte kortvarig suspensjon i tjenesten, i påvente av styrets behandling.

4. Har rektor forfall eller fratrer vervet i løpet av det siste året av sin funksjonstid, overtar prorektor. Fratrer rektor før dette tidspunkt, velges ny rektor.

5. Rektor fritas etter styrets bestemmelse helt eller delvis fra undervisning og forskning i funksjonsperioden. Når den er ute, har rektor rett til forskning eller faglig oppdatering i to semestre.

### **§ 10. Valg av rektor og prorektor**

1. Rektor og prorektor velges for fire år om gangen.

2. Valgbare som rektor og prorektor er institusjonens fast tilsatte i minst halv undervisnings- og forskerstilling. Åremålstilsatte i minst halv undervisnings- og forskerstilling eller i stilling som leder for avdeling eller grunnenhet er valgbare, dersom tilsettingsforholdet varer ut funksjonsperioden. Ingen kan gjenvelges som rektor eller prorektor hvis vedkommende vil ha fungert i dette verv i et sammenhengende tidsrom på åtte år ved den nye valgperiodens begynnelse.

3. Ved opptelling skal stemmene vektet etter en fordelingsnøkkel fastsatt av styret, innenfor følgende rammer:

a. tilsatte i undervisnings- og forskerstilling 51-71 prosent

b. teknisk og administrativt tilsatte 5-25 prosent

c. studenter 15-30 prosent

Foretas valget i særskilt valgforsamling, skal denne ha en tilsvarende sammensetning.

4. Styret selv fastsetter nærmere regler om valgene.

5. Etter forslag fra styret kan departementet fastsette at rektor tilsettes på åremål for fire år om gangen. Ingen kan være tilsatt som rektor i en sammenhengende periode på mer enn åtte år.

Endret ved lover 19 juni 1997 nr. 84, 19 mars 1999 nr. 13 (i kraft 1 aug 1999 iflg. res. 19 mars 1999 nr. 861), 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).



## **§ 11. Valg og oppnevning av styret**

1. Styremedlemmer som er tilsatt ved institusjonen, og varamedlemmer for disse, velges for fire år. Valget foretas særskilt for de to gruppene fast tilsatte og midlertidig tilsatte i undervisnings- og forskerstilling og tilsatte i teknisk eller administrativ stilling.
2. Styremedlemmer fra studentgruppen, og varamedlemmer for disse, velges for ett år.
3. Forslag til eksterne styremedlemmer og varamedlemmer for disse fremmes av institusjonens styre. For Samisk høyskole fremmes forslag av høyskolens styre og av Sametinget. For kunsthøgskolene fremmes forslag av høyskolens styre og av Norsk kulturråd. Departementet oppnevner på fritt grunnlag eksterne medlemmer og varamedlemmer for disse for fire år.
4. Tilsatt i administrativ lederstilling etter § 32 er ikke valgbar til institusjonens styre. Styret selv gir regler om hvilke lederstillinger som omfattes av denne bestemmelsen.
5. Ingen kan gjenvelges som styremedlem hvis vedkommende vil ha fungert i dette verv i et sammenhengende tidsrom på åtte år ved begynnelsen av den nye valgperioden.
6. Kravene i likestillingsloven § 21 om representasjon av begge kjønn skal være oppfylt innen den enkelte valgkrets.
7. Styret selv fastsetter nærmere regler om valgene.

Endret ved lover 19 juni 1997 nr. 84, 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

## ***Kapittel 3.***

## ***Kapittel 4. Administrasjon. Økonomi- og eiendomsforvaltning***

## ***Kapittel 5. Generelle regler om styringsorganer***

## **§ 19. Oppnevning av utvalg og styrer**

1. Tilsatt i administrativ lederstilling som ikke er valgbar til styret etter § 11 nr. 4, kan ikke være medlem av utvalg eller styre som tildeles avgjørelsesmyndighet i andre saker enn tilsettingssaker.
2. Studentene skal ha minst 20 prosent og aldri mindre enn to av medlemmene i alle kollegiale organer som tildeles beslutningsmyndighet, hvis ikke det delegerende organ enstemmig bestemmer noe annet.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

## **§ 20. Plikt til å ta imot og utføre tillitsverv**

1. Tilsatt som blir valgt til tillitsverv etter denne lov, har plikt til å ta imot vervet. Den som har gjort tjeneste i et tillitsverv, har rett til fritak fra gjenvalg til dette i like lang tid som vedkommende har fungert i vervet. Varamedlem som har møtt som medlem minst halve valgperioden, kan kreve seg fritatt for valg som medlem i neste periode.
2. Innehaver av tillitsverv skal fratre når valgbarheten opphører.
3. Medlem av styringsorgan, styre eller utvalg har plikt til å møte hvis ikke vedkommende har gyldig forfall.
4. Medlem av styringsorgan, styre eller utvalg har plikt til å delta i forhandlingene og avgi stemme. Det kan ikke stemmes blankt annet enn ved valg.
5. Styret selv gir nærmere regler om valgbarhet til de enkelte verv, hva som regnes som gyldig fravær m.v.

## **§ 21. Møter i styringsorganer, styrer og utvalg**

1. Styringsorganer, styrer og utvalg treffer sine vedtak i møte.

2. Lederen for det enkelte styringsorgan, styre eller utvalg sørger for at det holdes møter når det trengs. Innkalling til møte skal skje med rimelig varsel.
3. Institusjonens styre skal innkalles hvis medlem av dette eller administrerende direktør krever det. De øvrige styringsorganer, styre eller utvalg skal innkalles når rektor eller minst en femdel av medlemmene krever dette.
4. Styringsorganer, styre og utvalg er vedtaksføre når mer enn halvparten av medlemmene er til stede og avgir stemme.
5. Møter i styringsorganer, styre eller utvalg holdes for åpne dører. Vedkommende styringsorgan, styre eller utvalg kan fastsette at møtene skal holdes for lukkede dører, eller at bestemte saker skal behandles for lukkede dører. Behandling av sak etter annet punktum skjer for lukkede dører.
6. Styret eller vedkommende organ, styre eller utvalg gir nærmere regler om møteordningen.

## § 22. Avstemninger

1. Vedtak treffes med alminnelig flertall av de avgitte stemmer hvis ikke annet er fastsatt i denne lov eller i reglement for vedkommende organ. Ved stemmelikhet i andre saker enn valg er møteleders stemme avgjørende. Ved stemmelikhet ved valg avgjøres dette ved loddtrekning.
2. Avstemning i andre saker enn valg og tilsetting skjer ved stemmetegn. Avstemning ved valg og tilsetting skal skje skriftlig hvis ett av de møtende medlemmer krever dette.

## § 23. Møtebok

Det skal føres møtebok for styret og for andre styringsorganer, styre og utvalg med vedtakskompetanse. Det oppnevnte organ kan bestemme at det også skal føres møtebok for andre utvalg.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

## Kapittel 6. Styrets klagenemnd

### § 24. Klagenemndas oppgaver

1. Styret kan selv oppnevne en klagenemnd som avgjør klager og saker etter § 42 nr. 3 og § 54 på vegne av styret. Klagenemndas saksområde fastsettes ved generell instruks gitt av styret selv.
2. En tilsettingssak som skal avgjøres av styret etter krav fra et medlem av et annet tilsettingsorgan, kan ikke henvises til klagenemnda. Klagenemnda kan heller ikke avgjøre klager over vedtak som nevnt i § 34.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### § 25. Klagenemndas sammensetning

1. Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. To av medlemmene skal være studenter. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikke være tilsatt ved institusjonen.
2. Medlem av institusjonens styre kan ikke være medlem av klagenemnda. Medlem som har medvirket ved saksbehandling eller avgjørelse i det påklagde saksforhold, kan ikke delta ved behandlingen av klage over dette i klagenemnda.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### § 26. Klagenemndas avgjørelse

1. Klagenemnda er vedtaksfør når lederen og tre andre medlemmer er til stede.
2. Klagenemndas vedtak kan ikke påklages.

3. Styret kan gi utfyllende regler om saksbehandlingen i klagesaker etter dette kapittel.

## **Kapittel 7. Studentorganene**

### **§ 27. Studentorganenes formål**

1. Studentene ved institusjonen kan opprette et studentorgan for å ivareta studentenes interesser og fremme studentenes synspunkter overfor institusjonens styre og råd. Tilsvarende kan studentene ved den enkelte avdeling eller grunnenhet opprette studentorgan for denne.
2. Ved valg til organ som nevnt i nr. 1 skal det avholdes urnevalg blant studentene, med mindre allmøte enstemmig bestemmer noe annet. Et vedtak om annen valgordning enn urnevalg gjelder kun for første påfølgende valg.
3. Institusjonen skal legge forholdene til rette slik at studentorganene kan drive sitt arbeid på en tilfredsstillende måte. Omfanget av tilretteleggingen skal spesifiseres i en avtale mellom institusjonen og øverste studentorgan.
4. Studentorganene skal høres i alle saker som angår studentene på det aktuelle nivå.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### **§ 28. Konstituerende møte. Vedtekter**

1. Innkalling til konstituerende møte for studentorgan foretas etter anmodning fra rektor eller et rimelig antall studenter. Innkalling til konstituerende møte for studentorgan for avdeling eller grunnenhet foretas også etter anmodning fra leder for studentorgan for hele institusjonen eller leder for vedkommende avdeling eller grunnenhet.
2. Rektor eller den rektor utpeker, innkaller til møtet og leder dette til møteleder er valgt.
3. Innkalling til konstituerende møte kunngjøres på institusjonen med minst tre ukers varsel.
4. Det konstituerende møte fastsetter vedtektene for vedkommende studentorgan med vanlig flertall. Møtet kan vedta regler om kvalifisert flertall for endring av vedtektene, men likevel aldri krav om mer enn to tredeler av de avgitte stemmer. Bestemmelsene i kap. 5 gjelder ikke for studentorganer.
5. Møteleder sender gjenpart av møteboken til rektor og eventuelt leder for vedkommende avdeling eller grunnenhet.

## **Kapittel 8. Tilsettingsforhold**

## **Kapittel 9. Opptak som student. Rett til å gå opp til eksamen. Bortvisning og utestenging**

### **§ 37. Krav for opptak til høgre utdanning**

1. Det generelle grunnlag for opptak som student (generell studiekompetanse) er fullført og bestått norsk videregående opplæring med de krav til fagsammensetning og timefordeling som departementet fastsetter. Departementet kan fastsette at også annen høvelig utdanning eller kombinasjon av utdanning og yrkespraksis skal være generelt opptaksgrunnlag. Institusjonen skal vurdere om søkere har kvalifikasjoner likeverdig med de fastsatte krav for opptak.
2. Institusjonene kan gi søkere som er 25 år eller eldre i opptaksåret, opptak til enkeltstudier dersom de på grunnlag av realkompetanse har de nødvendige kvalifikasjoner for vedkommende studium. Departementet kan gi nærmere regler om dokumentasjon, saksbehandling og eventuell samordning.
3. Departementet kan i forskrift fastsette at institusjonene i særskilte tilfeller kan gjøre unntak fra bestemmelsen om generell studiekompetanse for søkere under 25 år.
4. Departementet kan, etter innstilling fra styret, unnta enkelte studier eller fag fra kravene til generell studiekompetanse.
5. Departementet kan, etter innstilling fra styret, fastsette spesielle opptakskrav når hensynet til gjennomføringen av

studiet gjør dette nødvendig.

6. Styret kan fastsette særlige faglige minstekrav ved opptak til høgre grads studier.

7. Den som er tatt opp som student ved en institusjon under loven, har adgang til åpne studier ved de øvrige, så fremt opptakskravet er generell studiekompetanse og søkeren ikke er tatt opp med hjemmel i nr. 2, 3 eller 4.

Endret ved lover 15 des 2000 nr. 99 (i kraft 1 jan 2001 iflg. res. 15 des 2000 nr. 1685), 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### § 38. Studentopptaket

1. Det skal være eget opptak til høgre grads studier.

2. Departementet kan gi bestemmelser om nasjonal samordning, herunder klagebehandling, av opptakene.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### § 39. Opptaksregulering

1. Når kapasitetshensyn eller ressurs-hensyn krever det kan styret selv regulere adgangen til det enkelte studium eller deler av det, innenfor de rammer og mål som gis av overordnet myndighet.

2. Departementet kan fastsette adgangsregulering når det er nødvendig etter en samlet vurdering av utdanningen i landet.

3. Departementet gir forskrift om rangering av søkerne.

Endret ved lover 25 juni 1999 nr. 48, 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### § 40. Rett til å gå opp til eksamen

1. Den som oppfyller kravene til opptak (jf. § 37) og andre krav for å gå opp til eksamen i vedkommende fag eller studium, har rett til å gå opp til eksamen. Dette gjelder også studenter som ikke er opptatt ved faget eller studiet.

2. Oppmelding etter denne paragraf kan nektes dersom kandidaten ikke har fulgt obligatorisk undervisning eller gjennomført obligatorisk praksis.

3. Styret gir nærmere regler om adgangen til å gå opp til eksamen uten å være opptatt som student, og kan fastsette særskilt oppmeldingsfrist for slik eksamen.

4. Styret kan fastsette at eksamenskandidater som ikke er tatt opp som studenter til vedkommende studium, skal betale et vederlag som dekker institusjonens merutgifter ved å holde eksamen for denne gruppen. Studenter som følger utdanningsplan skal ikke betale slikt vederlag. Departementet kan gi forskrift.

Endret ved lover 15 des 2000 nr. 99 (i kraft 1 jan 2001 iflg. res. 15 des 2000 nr. 1685), 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### § 41. Studenter taushetsplikt

En student som i studiesammenheng får kjennskap om noens personlige forhold, har taushetsplikt etter de regler som gjelder for yrkesutøvere på vedkommende livsområde. Institusjonen skal utarbeide taushetsplikterklæring som må underskrives av de studenter dette er aktuelt for.

### § 42. Bortvisning. Utestenging

1. En student som tross skriftlig advarsel fra styret gjentatte ganger opptrer på en måte som virker grovt forstyrrende for medstudenters arbeid eller for virksomheten ved institusjonen ellers, kan etter vedtak av styret selv bortvises fra nærmere bestemte områder ved institusjonen for inntil ett år. Hvis en student etter skriftlig advarsel fra styret fortsatt ikke respekterer slik bortvisning, kan styret selv utestenge ham eller henne fra studiet inntil ett år.

2. En student som grovt klanderverdig har opptrådt på en slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for pasienter, klienter, barnehagebarn, elever eller andre som studenten har å gjøre med som del i klinisk undervisning eller praksisopplæring, eller som gjør seg skyldig i grove brudd på taushetsplikt eller i grovt usømmelig opptreden overfor disse, kan etter vedtak av styret selv utestenges fra studiet i inntil 3 år. Institusjonen skal informere Sosial- og helsedirektoratet om utestenging etter dette alternativ når det gjelder studenter som følger utdanninger som kan utløse rett til autorisasjon etter helsepersonelloven § 48 første ledd.

3. En student som har opptrådt slik som beskrevet i § 54 nr. 1 eller 2, kan ved vedtak av styret selv eller styrets klagenemnd, jf § 24 nr. 1, utestenges fra institusjonen og fratras retten til å gå opp til eksamen ved institusjoner under denne lov i inntil ett år. Departementet gir nærmere regler om informasjonsrutiner m.v.

4. Vedtak om bortvisning eller utestenging treffes med minst to tredelers flertall. Vedtak om slik reaksjon kan påklages av studenten etter reglene i forvaltningsloven. Departementet eller særskilt klageorgan oppnevnt av dette, er klageinstans.

5. Studenten har rett til å la seg bistå av advokat eller annen talsperson fra sak om bortvisning eller utestenging er reist, eventuelt fra skriftlig advarsel etter nr. 1 er gitt. Utgiftene ved dette dekkes av institusjonen.

Endret ved lover 2 juli 1999 nr. 64 (i kraft 1 jan 2001 iflg. res. 1 des 2000 nr. 1199), 21 des 2000 nr. 127 (i kraft 1 jan 2001 iflg. res. 21 des 2000 nr. 1359).

#### **§ 42a. Utestenging fra klinisk undervisning eller praksisopplæring grunnet straffbare forhold**

1. I studier der studenter kommer i kontakt med pasienter, klienter, barnehagebarn, elever eller andre som del av klinisk undervisning eller praksisopplæring, kan det kreves at studentene legger fram politiattest ved opptak til studiet.

2. Poliattiatten skal vise om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep, grove voldsforbrytelser eller straffbare forhold vedrørende besittelse og bruk eller omsetning av narkotiske stoffer eller medikamenter.

Hvis det er gitt særlige regler om politiattest for bestemte typer yrkesutøving, gjelder disse tilsvarende for studenter som deltar i praksisopplæring eller klinisk undervisning.

3. Den som er dømt for forhold som innebærer at hun eller han må anses som uskikket til å delta i arbeid med pasienter, klienter, barnehagebarn, elever eller andre, kan utestenges fra praksisopplæring eller klinisk undervisning hvor slik deltakelse må anses som uforsvarlig på grunn av den kontakt studenten får med disse i denne forbindelse.

4. Den som er siktet eller tiltalt for straffbart forhold som omtalt i nr. 2, jf. nr. 8, kan utestenges fra praksisopplæring eller klinisk undervisning til rettskraftig dom foreligger eller saken er henlagt, hvis dette er nødvendig av hensyn til sikkerhet eller behandlingsmiljø for pasienter, klienter, barn, elever eller andre som studenten vil komme i kontakt med i denne forbindelse.

5. En nasjonal nemnd oppnevnt av departementet avgjør, etter uttalelse fra styret, om studenten skal nektes retten til å delta i klinisk undervisning eller praksisopplæring. Forvaltningsloven § 42 gjelder tilsvarende. Nemnda skal ha fem medlemmer. Lederen skal oppfylle kravene til lagdommer, og to av medlemmene skal oppnevnes etter forslag fra studentenes organisasjoner.

6. Departementet er klageinstans for nemndas vedtak.

7. § 42 nr. 5 gjelder tilsvarende.

8. Kongen gir forskrifter om hvilke studier som skal omfattes av nr. 1, om hvilke straffbare forhold som kan føre til utestenging, og om saksbehandlingen.

Tilføyd ved lov 19 juni 1997 nr. 84.

#### **§ 42b. Utestenging etter skikkethetsvurdering**

1. Kongen kan fastsette at i enkelte utdanninger skal institusjonen vurdere om den enkelte student er skikket for yrket. Skikkethetsvurdering skal foregå gjennom hele studiet.
2. Vitnemål for fullført utdanning forutsetter at studenten er vurdert som skikket for yrket.
3. Styret selv kan etter innstilling fra en egen skikkethetsnemnd vedta at en student ikke er skikket for yrket. Student som ikke er skikket for yrket, kan utestenges fra studiet.
4. Vedtak om at en student ikke er skikket og om utestenging, treffes med minst to tredels flertall. Vedtak kan påklages av studenten etter reglene i forvaltningsloven. Departementet er klageinstans.
5. Studenten har rett til å la seg bistå av advokat eller annen talsperson fra sak er reist i skikkethetsnemnda. Utgiftene ved dette dekkes av institusjonen.
6. Reglene i § 43 gjelder tilsvarende.
7. Departementet gir forskrift om skikkethetsvurdering i de enkelte utdanninger.

Tilføyd ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 43. Domstolsprøving av vedtak om bortvisning eller utestenging**

1. Studentene kan bringe vedtak om bortvisning eller utestenging inn for prøving ved tingretten i den rettskrets institusjonens administrasjon har sitt sete. Slikt søksmål må reises innen tre måneder etter at endelig vedtak foreligger.
2. Forliksmegling foretas ikke. Institusjonen dekker alle omkostninger ved søksmålet, herunder også honorar til saksøkers advokat.
3. Retten prøver alle sider av vedtaket.

Endret ved lov 14 des 2001 nr. 98 (i kraft 1 jan 2002 iflg. res. 14 des 2001 nr. 1416).

#### **Kapittel 10. Læringsmiljø. Grader. Eksamen**

Overskriften endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 44. Læringsmiljø**

1. Styret har det overordnede ansvar for studentenes læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentsamskipnadene, legge forholdene til rette for et godt studiemiljø og arbeide for å bedre studentvelferden på lærestedet.
2. Styret har ansvar for at læringsmiljøet på institusjonen, herunder det fysiske og psykiske arbeidsmiljø, er fullt forsvarlig ut fra en samlet vurdering av hensynet til studentenes helse, sikkerhet og velferd. I utformingen av det fysiske arbeidsmiljøet skal det, så langt det er mulig og rimelig, sørges for:
  - a. at lokaler, adkomstveier, trapper m.v. er dimensjonert og innredet for den virksomhet som drives.
  - b. at lokalene har gode lys- og lydforhold og forsvarlig inneklime og luftkvalitet.
  - c. at lokalene blir vedlikeholdt og er rene og ryddige.
  - d. at lokalene er innredet slik at uheldige fysiske belastninger for studentene unngås.
  - e. at virksomheten er planlagt slik at skader og ulykker forebygges.
  - f. at tekniske innretninger og utstyr er forsynt med verneinnretninger og blir vedlikeholdt slik at studentene er vernet mot skader på liv og helse.

g. at lokaler, adkomstveier, sanitæranlegg og tekniske innretninger er utformet på en slik måte at funksjonshemmede kan studere ved institusjonen.

h. at læringsmiljøet er innrettet for studenter av begge kjønn.

i. at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming.

Departementet kan fastsette forskrift.

3. Ved institusjonen skal det være et læringsmiljøutvalg som skal bidra til at bestemmelsene i nr. 1 og 2 blir gjennomført. Utvalget skal delta i planleggingen av tiltak vedrørende læringsmiljø, og nøye følge utviklingen i spørsmål som angår studentenes sikkerhet og velferd. Styret kan tillegge utvalget også andre oppgaver. Læringsmiljøutvalget rapporterer direkte til styret, og skal hvert år avgi rapport om institusjonens arbeid med læringsmiljø. Studentene og institusjonen skal ha like mange representanter hver i utvalget. Utvalget velger hvert år leder vekselvis blant institusjonens og studentenes representanter.

4. Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne systemer for kvalitetssikring etter § 2 nr. 8.

5. Institusjonen skal, så langt det er mulig og rimelig, legge studiesituasjonen til rette for studenter med særskilte behov. Tilretteleggingen må ikke føre til en reduksjon av de faglige krav som stilles ved det enkelte studium. Endret ved lover 15 des 2000 nr. 99 ( i kraft 1 jan 2001 iflg. res. 15 des 2000 nr. 1685), 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 44a. Undervisning**

1. Studieåret er normalt 10 måneder. Styret fastsetter undervisningsterminene. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

2. Forelesninger er offentlige. Når forelesningenes art tilsier det, kan styret likevel bestemme at visse forelesninger bare skal være for institusjonens studenter eller visse grupper av studenter.

3. Styret kan bestemme at andre enn fagets studenter skal få delta i kurs og øvelser når det er ledig kapasitet. Tilføyd ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 44b. Utdanningsplan**

I løpet av første semester skal institusjonen og studenter som blir tatt opp til studier av 60 studiepoengs omfang eller mer, inngå en utdanningsplan. Utdanningsplanen skal inneholde bestemmelser om institusjonens ansvar og forpliktelser overfor studenten, og studentens forpliktelser overfor institusjonen og medstudenter. Departementet kan gi forskrift om innhold i utdanningsplan.

Tilføyd ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 45. Grader og yrkesutdanninger. Titler**

1. Kongen bestemmer hvilke grader og yrkesutdanninger institusjonen kan gi, den tid det enkelte studium skal kunne gjennomføres på, og hvilken tittel graden eller yrkesutdanningen gir rett til. Departementet kan fastsette forskrift om krav til høyre grad og om omfang av selvstendig arbeid i høyre grad.

2. En institusjon som har rett til å gi doktorgrad, kan på de samme fagområder tildele graden æresdoktor (doctor honoris causa) for betydningsfull vitenskapelig eller kunstnerisk innsats, eller fremragende arbeid til gagn for vitenskapen eller kunsten.

3. Kongen kan, ved forskrift eller enkeltvedtak, forby bruk av titler som uriktig gir inntrykk av å være av samme karakter som titler som er beskyttet etter nr. 1 eller nr. 2, eller som på en misvisende måte er egnet til å forveksles med disse.

4. Den som forsettlig eller uaktsomt tildeler eller bruker en tittel, alene eller som del av en annen tittel, uten å ha rett til dette etter nr. 1 eller nr. 2, eller i strid med bestemmelse gitt i medhold av nr. 3, straffes med bøter. Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 46. Fag, emner og emnegrupper. Rammepplan. Studieplan**

1. Universiteter bestemmer selv hvilke fag, emner og emnegrupper institusjonen skal tilby, og som skal inngå i grunnlaget for en grad eller yrkesutdanning fastsatt med hjemmel i § 45 nr. 1.

2. Vitenskapelige høgskoler, statlige høgskoler og kunsthøgskoler bestemmer selv hvilke fag, emner og

emnegrupper institusjonen skal tilby, og som skal inngå i grunnlaget for lavere grad eller yrkesutdanning fastsatt med hjemmel i § 45 nr. 1. Innenfor de fagområder der de kan tildele doktorgrad bestemmer de selv hvilke fag, emner og emnegrupper institusjonen skal tilby, og som skal inngå i grunnlaget for øvrige grader eller yrkesutdanninger fastsatt med hjemmel i § 45 nr. 1. For fagområder der de ikke kan tildele doktorgrad fastsetter departementet slike bestemmelser.

3. Departementet kan fastsette at bestemte emner inntil 20 studiepoeng skal inngå i en grad.

4. Departementet kan fastsette nasjonale rammeplaner for enkelte utdanninger.

5. Styret fastsetter studieplan for det faglige innholdet i studiene, herunder bestemmelser om obligatoriske kurs, praksis og lignende og om vurderingsformer.

6. Myndighet gitt i § 46 nr. 1-2 kan trekkes tilbake av departementet dersom institusjonene ikke har tilfredsstillende interne systemer for kvalitetssikring, jf § 2 nr. 8.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

**§ 47. Godskriving av grad, yrkesutdanning, fag eller emne fra institusjon under denne lov**

Grad, yrkesutdanning, fag, emne eller emnegruppe fra en institusjon som går inn under denne lov, skal godskrives studenten ved de andre institusjonene med samme antall studiepoeng. Vedkommende institusjon skal påse at det ikke gis dobbel uttelling for samme faginnhold.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

**§ 48. Godkjenning av grad eller utdanning fra utenlandsk eller norsk institusjon som ikke går inn under denne lov**

1. Den som har grad eller utdanning fra utenlandsk eller norsk institusjon som ikke går inn under denne lov, kan søke institusjon under loven om å få graden eller utdanningen godkjent som del av generell grad eller som jevngod med grad, yrkesutdanning eller annet utdanningsprogram som gis ved institusjonen med hjemmel i § 45.

Departementet kan gi forskrift om godkjenning og kan for visse typer utdanning opprette nemnder som skal avgjøre hvilke utenlandske læresteders grader m.m. som skal få generell godkjenning. Er nemnd opprettet, er den klageorgan for institusjonens avgjørelse av søknader.

2. Det tilligger den enkelte institusjon under denne lov å avgjøre søknader om godkjenning som faglig jevngod med grad, del av grad eller utdanning institusjonen gir. Godkjenning etter denne bestemmelsen gir rett til å bruke tittel som er fastsatt for den grad eller yrkesutdanning som det er jevnført med.

3. Eksamen eller grad som er godkjent etter lov om eksamensrett for og statstilskudd til private høyskoler § 9, skal godskrives studenten ved institusjoner under denne lov med samme antall studiepoeng.

4. I særlige tilfeller kan godkjenning gis helt eller delvis på grunnlag av kunnskaper som er dokumentert på annen måte enn ved eksamen. Prøve til kontroll av de dokumenterte kunnskaper eller tilleggsprøve kan kreves avlagt.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638). Endres ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (ny nr. 1, i kraft 1 jan 2003 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

**§ 49. Fritak for eksamen eller prøve**

Fritak for eksamen eller prøve skal gis når det godtgjøres at tilsvarende eksamen eller prøve er avlagt ved samme eller annen institusjon. Det kan også gis slikt fritak på grunnlag av annen velegnet eksamen eller prøve.

Dokumentasjon av realkompetanse kan også gi grunnlag for fritak. Styret bestemmer om vedkommende avdeling eller særskilt organ ved institusjonen skal avgjøre saker om fritak. Departementet kan pålegge institusjonene å samordne praksis.

Endret ved lov 15 des 2000 nr. 99 (i kraft 1 jan 2001 iflg. res. 15 des 2000 nr. 1685).

**§ 50. Eksamen og sensur**

1. Styret skal sørge for at studentenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvet og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte. Vurderingen skal også sikre det faglige nivå ved vedkommende studium. Det skal være ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene.

2. Styret oppnevner sensor ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering når resultatet inngår på vitnemålet eller innregnes i karakter for vedkommende studium. Det skal være minst to sensorer, hvorav minst en ekstern, ved bedømmelse av kandidatens selvstendige arbeid i høgre grad.

3. Den muntlige del av eksamener og prøver skal være offentlig med mindre hensynet til gjennomføringen av eksamenen eller prøven tilsier noe annet. Styret kan gjøre unntak fra regelen om offentlig eksamen i det enkelte



tilfelle etter ønske fra vedkommende eksamenskandidat, når tungtveiende hensyn taler for det.

4. Sensuren skal foreligge innen tre uker hvis ikke særlige grunner gjør det nødvendig å bruke mer tid. Styret selv kan gjøre unntak for enkelteksamener og kan i midlertidig forskrift etter nr. 6<sup>1</sup> fastsette en lengre frist når det ikke er mulig å skaffe det antall kvalifiserte sensorer som er nødvendig for å avvikle sensuren på tre uker. Styret selv kan i forskrift etter nr. 6<sup>1</sup> fastsette lengre frist for avhandlinger og tilsvarende større skriftlige arbeider.

5. Ved ny sensurering etter § 51 nr. 2 og § 52 nr. 4 benyttes minst to nye sensorer, hvorav minst en ekstern. Endring kan gjøres både til gunst og ugunst for klager. Hvis den endelige karakter er fastsatt på grunnlag av både skriftlig og muntlig prøve, og klager får medhold i klage på sensuren over den skriftlige del av eksamenen, holdes ny muntlig prøve til fastsetting av endelig karakter.

6. Vurderingsuttrykket ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering skal være bestått/ikke bestått eller en gradert skala med fem trinn fra A til E for bestått og F for ikke bestått.

7. Styret selv gir forskrift om avleggelse av og gjennomføring av eksamener og prøver, herunder vilkår for å gå opp til eksamen eller prøve på nytt og for adgang til ny praksisperiode, og bestemmelser om oppmelding og vilkår for oppmelding. For utdanninger med nasjonale rammeplaner fastsatt etter § 46 nr. 4 må forskriften ta utgangspunkt i de eventuelle generelle bestemmelser om eksamen og sensur som gis i rammeplanen. Styret kan delegerer til avdeling eller grunnenhet å gi utfyllende regler om forhold som er særegne for den enkelte eksamen.

8. Departementet kan fastsette alternative vurderingsformer til eksamen ved kunstutdanninger når faglige hensyn tilsier det.

Endret ved lover 19 juni 1997 nr. 84, 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

1 Nå nr. 7.

#### **§ 51. Klage over formelle feil ved eksamen**

1. Den som har vært oppe til eksamen eller prøve, kan klage over formelle feil innen tre uker etter at han eller hun er eller burde være kjent med det forhold som begrunner klagen. Slik klage avgjøres av styret selv eller av styrets klagenemnd på vegne av styret.

2. Hvis det er begått feil som kan ha hatt betydning for studentens prestasjon eller bedømmelsen av denne, skal sensurvedtaket oppheves. Hvis feilen kan rettes opp ved ny sensur av innleverte arbeider, foretas ny sensurering. I motsatt fall holdes ny eksamen eller prøve med nye sensorer. Karakterfastsetting ved ny sensurering etter denne paragraf kan påklages etter reglene i § 52.

3. Er krav om begrunnelse for eller klage over karakterfastsettingen framsatt, løper klagefristen etter denne paragraf fra studenten har fått begrunnelsen eller endelig avgjørelse av klagen foreligger.

4. Finner styret eller styrets klagenemnd at det er begått formelle feil, og det er rimelig å anta at dette kan ha hatt betydning for en eller flere kandidaters prestasjon eller bedømmelse av denne, kan det bestemmes at det skal foretas ny sensurering eller holdes ny eksamen eller prøve.

#### **§ 52. Begrunnelse for og klage over karakterfastsetting**

1. Studenten har rett til å få en begrunnelse for karakterfastsettingen av sine prestasjoner. Ved muntlig eksamen eller bedømmelse av praktiske ferdigheter må krav om slik begrunnelse framsettes umiddelbart etter at karakteren er meddelt. Ved annen bedømmelse må krav om begrunnelse framsettes innen én uke fra kandidaten fikk kjennskap til karakteren, dog aldri mer enn tre uker fra karakteren ble kunngjort.

2. Begrunnelse skal normalt være gitt innen to uker etter at kandidaten har bedt om dette. I begrunnelsen skal det gjøres rede for de generelle prinsipper som er lagt til grunn for bedømmelsen og for bedømmelsen av kandidatens prestasjon. Begrunnelse gis muntlig eller skriftlig etter sensors valg.

3. Hvis det er gitt skriftlige retningslinjer for bedømmelsen, skal disse være tilgjengelig for studentene etter at karakterer er fastsatt.

4. En student kan klage skriftlig over karakteren for sine egne prestasjoner innen tre uker etter at eksamensresultat er kunngjort. Ny sensurering skal da foretas. Er krav om begrunnelse for karakterfastsetting eller klage over formelle feil ved oppgavegiving, eksamensavvikling eller gjennomføring av vurderingen framsatt, løper klagefristen etter denne paragraf fra studenten har fått begrunnelsen eller endelig avgjørelse av klagen foreligger. Ved bruk av løpende

vurdering kan institusjonen bestemme om studenten skal framsette klage etter vurdering av separat prøve, oppgave eller annen vurdering, eller om klage skal framsettes når resultatet fra fag, emne eller emnegruppe er kunngjort.

5. Bedømmelse av muntlig prestasjon og vurdering av praksisopplæring eller lignende som etter sin art ikke lar seg etterprøve, kan ikke påklages. Forprøver kan bare påklages når prøven ikke er bestått.

6. Karakterfastsetting ved ny sensurering etter denne paragraf kan ikke påklages.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 53. Vitnemål**

1. Institusjonen utferdiger vitnemål om fullført utdanning. Samtidig skal det utferdiges Diploma Supplement.

2. Den som ikke har avsluttet utdanning skal på anmodning gis karakterutskrift for de eksamener eller prøver som han eller hun har bestått.

3. For en kandidat som går opp til eksamen etter § 40 nr. 1 annet punktum skal det angis på vitnemål eller karakterutskrift dersom kandidatens kunnskaper og ferdigheter er prøvet på en annen måte enn for studenter som er tatt opp ved studiet.

4. Institusjonen skal tildele autorisasjon for helsepersonell, i forbindelse med utstedelse av vitnemål, i den utstrekning det er fastsatt i forskrift gitt i medhold av lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

#### **§ 54. Annullering av eksamen eller prøve**

1. Styret selv eller styrets klagenemnd, jf § 24 nr. 1, kan annullere eksamen eller prøve, eller godkjenning av kurs, hvis studenten

a) ved hjelp av falskt vitnemål eller annen form for uredelig opptreden har skaffet seg adgang til å gå opp til vedkommende eksamen eller prøve, eller til å delta i vedkommende kurs, eller

b) forsettlig eller grovt uaktsomt har fusket eller forsøkt å fuske ved avleggelsen av, eller forut for endelig sensur av, vedkommende eksamen eller prøve, eller under gjennomføringen av vedkommende kurs.

2. Styret selv eller styrets klagenemnd, jf § 24 nr. 1, kan annullere godskriving eller godkjenning av utdanning, eller fritak for eksamen eller prøve, hvis studenten har oppnådd dette ved hjelp av falskt vitnemål eller annen form for uredelig opptreden.

3. Vedtak om annullering etter nr. 1 eller nr. 2 kan påklages til departementet eller særskilt klageorgan oppnevnt av dette.

4. Adgangen til annullering foreldes ikke.

5. Etter avgjørelse om annullering pliktes eventuelt vitnemål eller karakterutskrift tilbakelevert institusjonen. Bli r ikke vitnemålet eller karakterutskriften tilbakelevert institusjonen i rett tid, kan denne kreve namsmannens hjelp til tilbakelevering i samsvar med reglene i tvangsfullbyrdelseslovens kap. 13.

6. Hvis vitnemålet kan danne grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal institusjonen gi melding om annulleringen til vedkommende myndighet.

7. Andre institusjoner under denne lov kan informeres om annullering av eksamen eller prøve. Departementet gir nærmere regler om informasjonsrutiner m.v.

Endret ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).

### **Kapittel 10a. Lærerutdanning**

Kapitlet med § 54a, § 54b og § 54c tilføyd ved lov 19 mars 1999 nr. 13 (i kraft 1 aug 1999 iflg. res. 19 mars 1999 nr. 861).

#### **§ 54a. Formål**

1. Lærerutdanning skal gjennom undervisning, forskning og faglig utviklingsarbeid, gi den faglige og pedagogiske

kunnskap og praktiske opplæring som er nødvendig for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning, læring og oppdragelse. Utdanningen skal ta utgangspunkt i ulike forutsetninger hos elever og barnehagebarn og være i samsvar med målene for det opplæringsnivå utdanningen sikter mot.

2. Utdanningen skal fremme studentenes personlige utvikling og yrkesetiske holdning, utvikle evne til refleksjon, vekke interesse for faglig og pedagogisk utviklingsarbeid som er relevant for arbeid i skole og barnehage, og gi forståelse for sammenhengen mellom læreryrket og opplæringsystemets funksjon i samfunnet.

Tilføyd ved lov 19 mars 1999 nr. 13 (i kraft 1 aug 1999 iflg. res. 19 mars 1999 nr. 861).

### § 54b. Innholdet i lærerutdanning

1. Lærerutdanning som nevnt i nr. 2-6 skal gis i samsvar med rammeplaner fastsatt av departementet.

2. Førskolelærerutdanning skal omfatte:

a. Pedagogikk

b. Praksisopplæring

c. Faglig-pedagogiske studier i enkeltfag, fagområde eller arbeidsområde. Studiet av minst ett enkeltfag, fagområde eller arbeidsområde skal til vanlig ha et omfang på minst 1/2 års studietid.

3. Allmennlærerutdanning skal omfatte:

a. Pedagogikk

b. Praksisopplæring, herunder minst 18 ukers veiledet praksis innenfor studiets obligatoriske del.

c. En obligatorisk del som består av enkeltfag, fagområder eller arbeidsområder som omfatter sentrale obligatoriske fag i grunnskolen. En valgfri del som kan bestå av andre enkeltfag, fagområde eller arbeidsområder som er relevante for undervisning i grunnskolen.

d. Fagdidaktikk

4. Faglærerutdanning skal omfatte:

a. Pedagogikk

b. Praksisopplæring

c. Ett eller flere enkeltfag eller fagområder

d. Fagdidaktikk

5. Yrkesfaglærerutdanning skal omfatte:

a. Pedagogikk

b. Praksisopplæring

c. Yrkesfag og yrkesfagområde

d. Yrkesdidaktikk

6. Praktisk-pedagogisk utdanning skal omfatte:

a. Pedagogikk

b. Praksisopplæring

c. Fag- eller yrkesdidaktikk

Tilføyd ved lov 19 mars 1999 nr. 13 (i kraft 1 aug 1999 iflg. res. 19 mars 1999 nr. 861).

§ 54c. (Opphevet ved lov 28 juni 2002 nr. 62 (i kraft 1 juli 2002 iflg. res. 28 juni 2002 nr. 638).)

### **Kapittel 11. Søksmål**

### **Kapittel 12. Forskjellige bestemmelser**

### **Kapittel 13. Sluttbestemmelser**

## **FORSKRIFT OM EKSAMEN VED HØGSKULEN I VOLDA**

**Vedteken med grunnlag i Lov av 12.05.1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler, med endringer i Lov av 28.06.2002, av styret ved Høgskulen i Volda den 8. august 2002.**

### **§1 BRUKSOMRÅDE**

Denne forskrifta gjeld alle eksamenar ved Høgskulen i Volda. Jf. §2.8.

Direktøren kan gi retningsliner med grunnlag i denne forskrifta.

### **§2 DEFINISJONAR**

1. Med **lova** meiner ein Lov av 12.05.1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler, med endringer i Lov av 28.06.2002 nr 62.

2. Med **forskrifta** meiner ein Forskrift av 8. august 2002 om eksamen ved Høgskulen i Volda.

3. Med **studium** meiner ein ei sjølvstendig eining godkjend av styret for Høgskulen i Volda eller Utdannings- og forskningsdepartementet som studentar kan få opptak til og studierett på (jf. pkt. 9). Eit studium har eit definert innhald i fag- eller studieplan og fører fram til ein avsluttande eksamen eller grad (jf. pkt. 6, 7 og 8). Eit studium er kjenneteikna ved at det ikkje er naudsynt å søkje nytt opptak for å ta andre emne innanfor studiet (jf. pkt. 4).

4. Med **emne** meiner ein ei eining innanfor eit studium. Emne har knytt til seg pensum og vurdering, og kan gi utteljing i form av studiepoeng.

5. **Rammeplan** er ein plan for eit studium der departementet har vedteke nasjonale rammer for innhaldet i studiet.

6. **Fagplan** er ei konkretisering av innhaldet i studium som er regulert av rammeplan.

7. **Studieplan** er ei konkretisering av innhaldet i studium som ikkje er regulert av rammeplan.

8. Med **eksamen** meiner ein i denne forskrifta

a) prøving med påfølgjande vurdering, der resultatet av vurderinga står på vitnemål eller vert rekna inn i karakteren for eit studium ved Høgskulen i Volda, eller

b) prøving med påfølgjande vurdering, der resultatet av vurderinga vert rekna inn i ein samla karakter, og der den samla karakteren står på vitnemål eller vert rekna inn i karakteren for eit studium ved Høgskulen i Volda.

9. Med **student** meiner ein i denne forskrifta ein person som er teken opp til eit studium ved Høgskulen i Volda, jf. §37, 38 og 39 i Lova.

10. Med **privatist** meiner ein i denne forskrifta ein person som går opp til eksamen etter Lova §40, og som ikkje er teken opp ved studiet.

11. Med **kandidat** meiner ein ein student eller privatist som gjennomfører eksamen.

12. Med **arbeidskrav** meiner ein alle former for prøving der resultatet ikkje står på vitnemålet eller vert rekna inn i karakteren for eit godkjent studium ved Høgskulen i Volda, men som er vilkår for anten

a) å gå opp til eksamen, eller

b) få utskrive dokumentasjon for fullført utdanning etter §16.1.

13. **Studiepoeng** er eit mål for omfanget av studium/studieeiningar. 60 studiepoeng svarar til fulltids arbeidsinnsats i eit heilt studieår.

14. Med **ordinær eksamen** meiner ein den første eksamenen som vert arrangert i eit emne når undervisninga i emnet eller i ein del av emnet er avslutta.

15. Med **mappeeksamen** meiner ein ein eksamen som inneheld fleire delar, der delane vert vurdert samla.

16. **Diploma Supplement** er eit vitnemålstillegg på engelsk som skal informere og leggje til rette for internasjonal forståing av høgskulesystemet og den enkelte studenten si utdanning. Diploma supplement skal følgje det originale vitnemålet og er berre gyldig saman med dette.

17. **Utdanningsplan** er ein gjensidig avtale mellom høgskulen og den einskilde studenten, som regulerer dei to partane sine rettar og plikter i forhold til kvarandre. Jf. Lova §44b.

### §3 GENERELT OM EKSAMEN

1. Avdelingsstyret godkjenner eksamensformene for kvart studium.

2. Eksamensformer skal vere nedfelde i fag- eller studieplanane for dei einskilde studia. Det skal gå fram kva prøving som har status som eksamen, og kva prøving som har status som arbeidskrav. Det skal eksplisitt gå fram om eit arbeidskrav er vilkår for å gå opp til eksamen, eller om det er vilkår for å få utskrive dokumentasjon for fullført utdanning etter §16.1.

3. Eit studium kan ha særskilde eksamensformer for studentar som ikkje følgjer ordinær studieprogresjon og for privatistar. Dette skal gå fram av fag- eller studieplan.

4. Når alle arbeidskrav etter §2.12.a i eit emne er oppfylte, kan alle eller eit utval arbeidskrav gå inn som del av eksamen i emnet.

5. Det skal gå fram av fag- eller studieplan korleis ulike eksamenar skal vektast i forhold til kvarandre ved karaktersamanslåing. Jf. §4.2.

6. Kandidatar skal normalt vurderast individuelt. Gruppeeksamen kan berre gjennomførast for avgrensa delar av eit studium.

7. Ved eksamen utan tilsyn kan einskildkandidatar eller grupper av kandidatar kallast inn til tilleggseksamen. Tilleggseksamenen skal normalt vere ein individuell eksamen. Direktøren avgjer om slik eksamen skal arrangerast.

8. Dersom ein student meiner at ein gruppeeksamen ikkje reflekterer hans eige kunnskapsnivå, kan han innan 2 timar etter eksamenen/innleveringsfristen søkje om å få gå opp til individuell tilleggseksamen. Slik søknad skal rettast til studiesjefen. Resultatet av tilleggseksamenen vil påverke berre denne studenten sitt resultat ved gruppeeksamenen. Direktøren avgjer søknad om tilleggseksamen.

9. Direktøren kan vedta at kandidatar i samband med eksamen skal levere eigenerklæring om korrekt kjelde- og sitatbruk.

10. Direktøren vedtek fristar for oppmelding til og avmelding frå alle eksamenar.

### §4 KARAKTERSYSTEM

1. Vurderingsuttrykket ved eksamenar skal vere anten

- a) ein gradert skala med fem trinn frå A til E for stått og F for ikkje stått, eller
- b) stått/ikkje stått.

Vurderingsuttrykket for arbeidskrav skal vere godkjend/ikkje godkjend.

Vurderingsuttrykket for praksis skal gå fram av fag- eller studieplan.

2. Ved eventuell karaktersamanslåing skal talekvivalentar nyttast for å rekne ut ein gjennomsnittskarakter, med A som den høgaste verdien og E som den lågaste. Ved samanslåing skal avrunding gjerast matematisk. Dersom det kjem nasjonale reglar om karaktersamanslåing, vil dei erstatte dette punktet.
3. Vurderingsuttrykket stått/ikkje stått kan berre nyttast for avgrensa delar av eit studium. Det skal gå fram av fag- eller studieplan i kva tilfelle vurderingsuttrykket stått/ikkje stått skal nyttast.
4. Når karakter i eit emne vert fastsett på grunnlag av fleire eksamenar, skal alle vere greidd før endeleg karakter vert gitt.
5. Når ein kandidat har teke den same eksamenen fleire gonger, vert den beste karakteren endeleg.

## §5 PRAKSIS

1. For dei utdanningane som er styrt av rammeplan, gjeld rammeplanen sine føresegner om praksis.
2. Ved ikkje godkjend ekstern praksis i utdanningar som ikkje er styrt av rammeplan er det høve til å framstille seg på nytt ein gong til ny eller alternativ prøving og vurdering.
3. Ved intern praksis skal framgangsmåten ved kontinuasjon for kandidatar som ikkje får godkjend praksisen, gå fram av fagplanen.

## §6 EKSAMEN - FOR STUDENTAR

1. Retten til å gå opp til eksamen er fastsett i § 40 i Lova.
2. For å kunne gå opp til eksamen kan det vere krav om at bestemte emne, eksamenar eller arbeidskrav skal vere fullførte med godkjent resultat, eller det kan vere krav om å ha følgd obligatorisk undervisning og/eller praksis. Det kan også vere krav av andre typar, t.d. innlevering av individuell pensumliste. Jf. §3.2.
3. Ein student har rett til å framstille seg til den same eksamenen 3 gonger.
4. Retten til å halde fram ved eit studium kan regulerast med særskilde krav for kvart einskilt studium. Slike krav vert fastsette av styret for Høgskulen i Volda og skal gå fram av studie- og fagplanane. Punkt 5 i denne paragrafen fell då vekk.
5. Ein student har studierett ved eit studium inntil 2 gonger normert studietid, men avgrensa oppover til 2 år utover normert studietid. Dette gjeld ikkje dersom studenten har ein godkjend utdanningsplan med redusert progresjon. §§ 6.3 og 8.7 gjeld også i dei tilfella ein student har redusert progresjon.
6. For å melde seg opp til eksamen må ein student vere registrert og ha betalt semesteravgift innan dei fristane som er sette.
7. Direktøren avgjer om eksamensoppmelding for kvart studium skjer individuelt eller kollektivt.
8. Dersom ein student melder seg av eksamen etter at den fastsette avmeldingsfristen er ute, trekkjer seg under eksamen eller ikkje møter til eksamen, vert han rekna for å ha framstilt seg til eksamen. Kandidatar som er lovleg hindra frå å gå opp til eksamen, vert rekna for ikkje å ha framstilt seg til eksamen. Med "lovleg hindra" meiner ein her dokumentert sjukdom eller sterke velferdsgrunnar som gjer det vanskeleg eller uråd å gjennomføre eksamenen.
9. For studium der utdanningsplanar er innført, kan styret vedta at studenten skal ha gyldig utdanningsplan for å gjennomføre eksamen.

## §7 EKSAMEN - FOR PRIVATISTAR

1. Ein student som ikkje er teken opp til eit studium, har rett til å gå opp til eksamen ved Høgskulen i Volda dersom han fyller dei generelle og eventuelt spesielle opptakskrava for studiet. Denne retten vert avgrensa når delar av studiet gir ein vesentleg kompetanse som er ein del av føremålet med utdanninga, og denne kompetansen ikkje kan prøvast ved ordinær eksamen. Dette gjeld mellom anna praksisopplæring i yrke der omsorg for og kontakt med

pasientar, klientar, elevar o.a. står sentralt. Jf. lova §40.

2. Avdelingsstyret avgjer om vilkåra for oppmelding er oppfylt. Avdelingsstyret kan, etter søknad frå privatisten, lempe på krava til tidlegare utdanning m.m. når det er sannsynleggjort at søkjaren er kvalifisert. Dokumentasjon for at ein person oppfyller oppmeldingskrava skal leggjast ved eksamensoppmeldinga.

3. Privatistar må betale eksamensavgift til dekning av institusjonen sine meirutgifter ved eksamen. Direktøren fastset storleiken på beløpet.

4. Privatistar skal betale semesteravgift til studentsamskipnaden det semesteret dei går opp til eksamen.

5. For vitnemål eller karakterutskrift til privatistar, jf. Lova §53.3.

## **§8 NY OG UTSETT EKSAMEN**

1. Utsett eksamen vert arrangert for kandidatar som var lovleg hindra i å gå opp til ordinær eksamen. Denne eksamenen vert normalt arrangert innan utgangen av semesteret etter ordinær eksamen. Jf. §6.8.

2. Ny eksamen vert arrangert for kandidatar som ikkje har greidd ordinær eksamen og for kandidatar som trekte seg under ordinær eksamen. Dersom det vert arrangert ny eksamen, har også kandidatar som ikkje møtte til ordinær eksamen høve til å melde seg opp. Ny eksamen vert normalt arrangert i samband med anten utsett eksamen eller neste ordinære eksamen.

3. Det vert normalt arrangert berre ein utsett og ein ny eksamen for kvar ordinære eksamen. Avdelingsstyret avgjer om det skal arrangerast utsett og ny eksamen.

4. Når fag- eller studieplanen føreset at ein eksamen er greidd for å gå vidare i studiet, kan det arrangerast ny og utsett eksamen før eller i samband med oppstart av neste semester.

5. Pensum ved ny og utsett eksamen skal vere det same som ved den siste ordinære eksamenen som vart arrangert ved høgskulen.

6. Eksamensforma ved utsett og ny eksamen skal normalt vere den same som ved ordinær eksamen. Direktøren kan gjere unntak frå denne regelen, dersom utsett eller ny eksamen med ordinær eksamensform er uråd å gjennomføre.

7. Eksamen i emne som høgskulen har slutta å tilby kan arrangerast i inntil 3 semester etter den siste ordinære eksamenen i emnet ved høgskulen. Ved slik eksamen gjeld same pensum som ved den siste ordinære eksamenen.

8. Ved ny og utsett eksamen er det alltid individuell oppmelding, også der ein har kollektiv oppmelding til ordinær eksamen.

9. §6.8 gjeld også for ny og utsett eksamen.

## **§9 FRITAK FOR EKSAMEN**

1. Reglar om fritak for eksamen er gitt i Lova §49.

2. Avdelingsstyret avgjer saker om fritak etter fråsegn frå den fagansvarlege. Søknad om fritak for eksamen skal normalt vere sett fram seinast 6 veker etter semesterstart.

3. Fritak for eksamen skal gå fram av vitnemål eller karakterutskrift, med spesifisering av grunnlag for fritaket. Slik spesifisering kan eventuelt gå fram av eige vedlegg.

## **§10 EKSAMEN UNDER SÆRLEGE VILKÅR**

1. Ein kandidat som av medisinske eller sterke velferdsgrunnar har problem med å gjennomføre eksamen på ordinær måte, kan søkje om særordningar ved eksamen. Særordninga skal kompensere for dei ulempene dei dokumenterte grunnane til særordninga medfører, samtidig som kandidatane i størst mogleg grad skal prøvast likt.

2. Søknad om særordningar skal leverast innan oppmeldingsfristen. Det kan gjerast unntak frå fristen ved akutt

sjukdom eller liknande. Behovet må dokumenterast med legeattest eller attest frå andre sakkunnige. Det må gå fram av attesten kva som trengst av særordning. Det skal søkjast for kvar eksamensperiode. Direktøren avgjer søknader om særordning ved eksamen.

3. Særordning kan gjevast i form av spesiell fysisk tilrettelegging, spesielle hjelpemiddel, og/eller utvida tid til eksamen.

4. Det kan gjevast inntil 25% utvida eksamenstid. Dette vert avgrensa slik:

- Ved skriftleg skuleeksamen til inntil 2 timar utviding av tida
- Ved heimeeksamen til inntil 48 timars utviding av tida, inkludert eventuelle helgedagar
- Ved semesteroppgåver og andre større arbeid til inntil 1 veke utviding av tida, inkludert eventuelle helgedagar

I særskilde høve kan det gjevast ytterlegare utviding av eksamenstida.

5. Kandidatar kan søkje om å få bruke ordbok ved eksamen. Kandidatar som ikkje har norsk som morsmål, kan søkje om å få bruke tospråklege ordbøker. Det er normalt ikkje lov å nytte ordbøker ved eksamen i norsk, dersom ikkje anna går fram av fag- eller studieplan.

6. Etter søknad kan ein kandidat få oppgåvetekst på engelsk og løyve til å svare på oppgåva på engelsk.

7. Etter søknad kan kandidatar med anna morsmål enn norsk og kandidatar med dysleksi leggje ved eksamenssvaret sitt ein attest som stadfestar dette.

8. Etter søknad kan kandidatar som har behov for det få ammepausar under eksamen.

9. Etter søknad kan alternative eksamensformer i særlege høve nyttast for kandidatar som på grunn av kroniske lidingar, sterke funksjonshemmingar eller sterke velferdsomsyn ikkje kan gjennomføre eksamen med ordinær eksamensform.

10. Ved særlege omstende, som sjukdom og sterke velferdsomsyn, kan ein kandidat få høve til å ta eksamen andre stader i landet. Minst 3 kandidatar må gå opp til same eksamen på same staden før ein søknad om desentralisert eksamen kan verte godkjend utan særlege grunnar. Kandidatane må dekkje alle ekstrautgifter i samband med den desentraliserte eksamensavviklinga.

## **§11 DESENTRALISERT EKSAMEN**

1. Dersom det skal arrangerast desentralisert eksamen i tillegg til eller i staden for ordinær eksamen, skal dette gå fram av fag- eller studieplan.

2. Direktøren avgjer kvar desentralisert eksamen skal arrangerast.

3. Direktøren kan krevje at kandidatar som går opp til desentralisert eksamen etter denne paragrafen dekkjer dei faktiske meirkostnadane ved ei slik eksamensavvikling. Direktøren avgjer storleiken på eit eventuelt gebyr.

## **§12 BRUK AV HJELPEMIDDEL**

1. Oversyn over lovlege hjelpemiddel ved eksamen skal vere oppført i vedkomande fag- eller studieplan, og skal tydeleg gå fram av eksamensoppgåva. Dersom fag- eller studieplan ikkje nemner hjelpemiddel ved eksamen, tyder dette at ingen hjelpemiddel er lovlege.

2. Bruk av ulovlege hjelpemiddel vert sett på som fusk. Har kandidaten ulovlege hjelpemiddel til disposisjon etter at eksamen er sett i gang, vert det sett på som fusk.

## **§13 ANNULLERING AV EKSAMEN, BORTVISING, FUSK**

1. Reglar for annullering av eksamen går fram av Lova §54.

2. Reglar for bortvising og utestenging frå høgskulen og andre institusjonar under lova går fram av Lova §42.



3. Kandidatar som ikkje rettar seg etter høgskulen sine retningsliner for eksamenskandidatar, kan visast bort frå eksamenslokalet.

## **§14 SENSUR**

1. Reglar om sensur går fram av Lova § 50.

2. Styret for Høgskulen i Volda skal sikre at kandidatane sin kunnskap og dugleik vert vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte.

3. Alle eksamenar skal ha minst to sensorar.

4. Ekstern sensur vil seie at ekstern sensor kan evaluere vurderingsordningane, vurdere og godkjenne eksamensoppgåver og sensorretteiing og vurdere eksamenssvara til alle eller eit utval kandidatar.

5. Alle emne skal ha hatt ekstern sensur minst ein gong i løpet av ein periode på tre år. Avdelingsstyret avgjer kva emne som skal ha ekstern sensur i kvar eksamensperiode, og også kor mange av eksamenssvara som skal sensurerast.

6. Ved eksamenar med fleire kommisjonar, skal det gå fram av sensurlistene og eksamensprotokollen kva kommisjon som har gjort sensurvedtaket for dei einskilde kandidatane.

7. Avdelingsstyret nemner ut sensorar til alle eksamenar.

8. Karakterar skal fastsetjast i fellesskap av sensorane. Dersom usemje om fastsetjing av karakteren gjer det umogleg å kome fram til endeleg sensur, skal sensuren overlatast til ny sensor for avgjerd.

9. I studium med modular som kan takast uavhengig av kvarandre, skal resultat frå dei einskilde modulane normalt ikkje slåast saman til ein samla karakter.

10. Mappeeksamenar skal ha ein samla karakter, og det skal ikkje setjast separate karakterar på delane i ein slik eksamen.

## **§15 GRUNNGJEVING FOR OG KLAGE OVER FASTSETJING AV KARAKTER**

1. Retten til grunngjeving for eksamenskarakter og til å klage på formelle feil eller fastsetjing av karakter og fristane som gjeld går fram av Lova §§51 og 52.

2. Klage på karakter skal vere skriftleg, og skal rettast til studiesjefen.

3. Ved mappeeksamenar har ein kandidat klagerett berre på heile eksamenen, ikkje på dei einskilde delane.

## **§16 VITNEMÅL - KARAKTERUTSKRIFT**

1. Ein student har rett til å få dokumentert resultatet av utdanninga si slik:

a) studentar som fullfører ei profesjonsutdanning eller oppnår ein grad skal ha vitnemål. Det skal samtidig skrivast ut Diploma Supplement.

b) Studentar som fullfører eit studium eller eksamenar som ikkje gir vitnemål kan få karakterutskrift.

2. Eit studium kan ha arbeidskrav som må vere godkjende før ein student kan få vitnemål eller karakterutskrift. Jf. §3.2.

3. Ein kandidat som har fått fritak for eksamen eller arbeidskrav etter § 49 i Lova, og som tilfredsstillar krava til fullført studium, kan få vitnemål dersom minst halvparten av studiet rekna etter studiepoeng er gjennomført ved høgskulen. Dersom ein mindre del av studiet er teke ved høgskulen, vert det vurdert i kvart tilfelle kva institusjon som skal skrive ut vitnemålet.

4. Ein kandidat som tek eksamen i emne med innhald som delvis overlappar kvarandre, skal ha utteljinga i

studiepoeng for eit av emna redusert. Studiepoengsreduksjonen vert gjort i det emnet som gir det gunstigaste resultatet for kandidaten.

5. Vitnemål skal i det minste gi opplysningar om:

- \* studenten sitt namn og fødselsnummer
- \* kva studium som er gjennomført
- \* tidspunkt for fullført studium
- \* kva grad eller tittel som eventuelt er oppnådd
- \* karaktersystemet som har vorte nytta

Ein kan leggje ved grunnlag for vitnemålet (karakterutskrift).

6. Normalt vert det utskrive berre eitt vitnemål for kvar kandidat og kvart studium. Dersom ein kandidat betrar karakterar som står på vitnemål, kan kandidaten krevje å få utskrive nytt vitnemål. Tidlegare utskrivne dokumentasjon må då leverast inn.

7. Direktøren kan krevje at studentar som får utskrive duplikatvitnemål dekkjer dei faktiske kostnadane ved utskrivinga. Direktøren avgjer storleiken på eit eventuelt gebyr.

## **§ 17 TILHØVET TIL NASJONALE RAMMEPLANAR**

Dersom noko som står i forskrifta er i motstrid med nasjonale rammeplanar, gjeld sistnemnde med mindre departementet bestemmer noko anna.

## **§18 IVERKSETJING**

Forskrifta vert sett i verk frå 20. august 2002.

## **§19 OPPHEVING AV FORSKRIFT M.M.**

Frå den tid forskrifta vert sett i verk, vert følgjande oppheva:

- Forskrift av 20. mars 1997 om eksamen ved Høgskulen i Volda, med endringar av 27. april 1999. (jf. §18)
- Retningsliner for privatistar, vedteke av styret for Høgskulen i Volda 20.03.1997.

## **RETNINGSLINJER FOR EKSAMENSKANDIDATAR**

### **Skriftleg skuleeksamen:**

1. Kandidaten skal vere på plass i eksamenslokalet seinast 15 min. før eksamen tek til. Kandidaten skal ikkje ha anna enn skrivesaker, tillatne hjelpemiddel og mat på plassen sin. Alt anna som kandidaten tek med til eksamenslokalet, skal leggst på tilvist plass. Det skal ikkje skrivast noko før starttidspunktet for eksamen. Ein kandidat som kjem inntil 30 min. for seint til eksamen, skal vende seg til hovudvakta, og får gjennomføre eksamen utan ekstra tid dersom ingen andre kandidatar har forlate eksamenslokalet. Etter dette må kandidaten vende seg til eksamenskontoret.
2. Kandidaten skal vise gyldig legitimasjon med foto. Samtidig med at kandidatnummer blir tildelt, skal kandidaten kvittere for fram møte. Privatistar må vise gyldig kvittering for betalt avgift.
3. Eksamenstida skal vere opplyst på førehand gjennom fag- og studieplanar, og skal dessutan stå på eksamensoppgåva. Eksamenstida inkluderer også eventuell matpause. Når eksamenstida er over skal all skriving slutte. Kandidaten har då inntil 15 minutt ekstra til å fylla ut dei naudsynte felte på omslagsark og eksamensark, og skilje dei 3 eksamensarka ved bruk av gjennomslagspapir.
4. Høgskulen brukar til vanleg eksamensark med gjennomslag. Eksamenssvara må difor skrivast med blå eller svart kulepenn. Dersom ein del av eksamenssvaret blir innlevert på kladdeark, er det opp til sensorane korleis dette vert vurdert. Ved levering av kladdeark, skal dei vere nummerert saman med dei andre arka.
5. Under eksamen er kontakt mellom kandidatane forbode. Alle spørsmål skal rettast til eksamensvakta. Ein faglærer vil vere tilgjengeleg i løpet av den fyrste timen for å avklare eventuelle mistydingar i oppgåveteksta.

Dersom ein kandidat har behov for pause, skal ho/han alltid ha fylgje med ei eksamensvakt. Kandidaten kan ikkje ha kontakt med nokon annan utanfor eksamenslokalet, heller ikkje via telefon eller anna kommunikasjonsutstyr. Ein eksamenskandidat kan ikkje forlate lokalet dei fyrste 30 minutta etter at eksamen har teke til.

6. Ein kandidat som er sjuk og ikkje kan møte til eksamen, må straks seie ifrå til eksamenskontoret og sende legeattest snarast mogleg. Blir ein kandidat sjuk under eksamen, skal kandidaten kontakte hovudvakta slik at vakta kan gje permisjon. Sjukmelding må då vere levert/poststempla seinast påfølgjande yrkedag.

7. Ein kandidat som vil levere eksamenssvaret, skal bli sitjande på plassen til alle papir er kontrollerte og leverte og skal deretter straks forlate eksamenslokalet.

8. Eit eksamenssvar som er levert, kan ikkje under noko omstende leverast ut igjen, endrast eller supplerast. Alt brukt og ubrukt papir skal leverast til kontroll.

9. Kandidaten skal ta omsyn til andre i eksamenslokalet slik at det ikkje oppstår støy. Ved alvorlege ordensbrot kan ein kandidat bli bortvist frå eksamenslokalet.

10. Ein kandidat som ikkje møter til eksamen, eller som trekkjer seg under eksamen, blir rekna som å ha brukt eitt forsøk. Ved trekk under eksamen, skal ein kontakte hovudvakta, fylle ut trekk skjema og så bli sittande til ein får permisjon.

11. Etter eksamensforskrifta § 10 vert det ved særleg behov innvilga bruk av PC under eksamen. Då gjeld følgjande:

- a. kandidaten må ha elementær kjennskap til Windows og Word, og skal sjølv syte for lagring i to tilviste mapper, der den eine er sikkerheitskopi
- b. berre naudsynt programvare vil ligge på harddisk
- c. kandidaten får utlevert diskett for eventuell eigen kopi
- d. eksamenssvaret skal leverast til eksamenskontoret i utskrift påført kandidatnummer
- e. kandidaten skal kvittere på at han har sett seg inn i dette punktet (11 a-f)

### **Skriftleg eksamen utan tilsyn, t.d. heimeeksamen:**

12. Ferdige oppgåver skal leverast i 2 eksemplar med høgskulen sine omslag når ikkje anna går fram av oppgåveteksta eller er avtala ved oppgåveutdelinga.

13. Eit eksamenssvar som er levert, kan ikkje utleverast, endrast eller supplerast.

14. Oppgåvene må vere levert innan fristen som er sett. Sending av oppgåver i posten skal alltid vere avtala med eksamenskontoret på førehand, og det skal då leggest ved kvittering frå Posten med dato og klokkeslett for innlevering. Det er ikkje høve til å levere oppgåver på telefaks eller mail utan at dette er spesielt avtala på førehand. I slike tilfelle tek Høgskulen ikkje ansvar for eventuelle tekniske problem.

15. Studenten skal levere eigenerklæring om korrekt kjeldebruk/-tilvising på eige skjema saman med eksamenssvaret.

### **Munnleg eksamen:**

16. Studenten skal møte opp eit kvarter før det tidspunktet han skal inn til munnleg høyring.

17. Munnleg eksamen er normalt offentleg. Det vil seie at det er høve til å ha med seg følgje dersom ein ynskjer det.

### **Eksamen på nett:**

18. Høgskulen tilbyr ved ein del fag eksamen på internett. Det vert nytta ulike organiseringsformer og tekniske løysingar, og kandidatane får difor retningslinjer som gjeld spesielt for kvar eksamen.

## **REGLEMENT FOR STUDENTFRAMMØTE VED HØGSKULEN I VOLDA**

(Vedteke i styret v/HVO, sak 34/96 i møte 18.04.96)

1. Det er ikkje generell frammøteplikt til studium ved HVO. Fag- og studieplanar syner kva undervisning, aktivitetar og arbeidsoppgåver som krev obligatorisk frammøte/deltaking og korleis denne fordeler seg over studieåret. Obligatoriske plikter kan skifte etter faget/studiet sin eigenart; målsetjing, innhald, arbeidsmåtar og evalueringsordningar.
2. Frammøtekravet er til vanleg 80 % i obligatoriske studiedelar/aktivitetar. I særlege høve kan andre frammøtekrav praktiserast. Slike ordningar skal godkjennast av styret. Ved fråvær mellom 20 og 30 % vil avdelinga pålegge studenten ekstra prøving, innlevering av ekstra oppgåver el.liknande. Ved fråvær over 30 % vil det bli kravd at emnet/faget/studiet skal takast på ny.
3. Studenten må sjølv halde seg orientert om fråværet sitt. Fag-/studieplanar skal opplyse om konsekvensane av manglande deltaking. Studenten skal varslast om eventuelle sanksjonar, jf. § 16 i Forvaltningslova.
4. Etter nærare søknad til avdelinga kan studenten få fritak frå obligatorisk frammøte/deltaking for å kunne ivareta valde tillitsverv i styringsskipnaden v/ HVO.
5. Studenten vert årleg gjort kjent med frammøtereglementet gjennom høgskulen si studenthandbok.

## **FORSKRIFT OM SKIKKETHETSVURDERING I LÆRERUTDANNINGENE.**

Fastsatt av Utdannings- og forskningsdepartementet 16. august 1999 med hjemmel i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler § 42b nr. 7. Endret 1 juli 2002 nr. 737 (bl.a hjemmel).

### **§ 1. Skikkethetsvurdering/definisjon**

Skikkethetsvurderingen skal inngå i en helhetsvurdering av studentens faglige, pedagogiske og personlige forutsetninger for å kunne fungere som lærer. En student som utgjør en mulig fare for barnehagebarns og elevers rettigheter, sikkerhet og psykiske og fysiske helse er ikke skikket for læreryrket.

Løpende skikkethetsvurdering av alle studenter ved lærerutdanninger som nevnt i universitets- og høgskoleloven § 54b skal foregå gjennom hele studiet.

Hvis det er begrunnet tvil om en student er skikket skal det foretas en særskilt skikkethetsvurdering. Forvaltningslovens regler om saksbehandling kommer til anvendelse ved særskilt skikkethetsvurdering.

### **§ 2. Vurderingskriterier**

Kriterier ved vurderingen av om en student er skikket er:

- a) studenten viser manglende vilje eller evne til omsorg og til å lede læringsprosesser for barn og unge i samsvar med mål og retningslinjer for barnehagens og skolens virksomhet.
- b) studenten viser manglende vilje eller evne til å ha oversikt over hva som foregår i en barnegruppe eller klasse og ut fra dette skape et miljø som tar hensyn til barn og unges sikkerhet og deres psykiske og fysiske helse.
- c) studenten unnlater å ta ansvar som rollemodell for barn og unge i samsvar med mål og retningslinjer for barnehagens og skolens virksomhet.
- d) studenten viser manglende vilje eller evne til å kommunisere og samarbeide med barn, unge og voksne.
- e) studenten har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser.

f) studenten viser for liten grad av selvinnsett i forbindelse med oppgaver i lærerstudiet.

g) studenten viser manglende vilje eller evne til å endre uakseptabel adferd i samsvar med veiledning.

### § 3. Informasjon til studentene

Ved studiestart skal institusjonen sørge for at alle studentene får informasjon om skikkethetsvurderingen og hva den innebærer.

### § 4. Skikkethetsnemnd

Styret selv skal oppnevne en skikkethetsnemnd. Nemnda skal bestå av:

- faglig leder for avdelingen eller tilsvarende funksjon
- faglig studieleder for lærerutdanningen eller tilsvarende funksjon
- en representant fra praksisfeltet
- en faglærer fra lærerutdanningen
- to studentrepresentanter fra lærerutdanningen
- en ekstern representant oppnevnt av Statens utdanningskontor
- en ekstern representant med juridisk embetseksamen.

Medlemmer oppnevnes for 3 år av gangen. Studentrepresentantene oppnevnes for ett år. Avdelingsleder er nemndas leder, og sitter i nemnda i den perioden han/hun er valgt til avdelingsleder.

Minst to tredjedeler av nemndas medlemmer skal være tilstede ved saksbehandlingen.

### § 5. Institusjonsansvarlig

Styret oppnevner en ansatt ved lærerutdanningen som institusjonsansvarlig for skikkethetsvurderingen. Institusjonsansvarlig kan oppnevnes blant skikkethetsnemndas medlemmer.

### § 6. Tvilsmelding

Tvil om en students skikkethet meldes skriftlig til institusjonsansvarlig. Den som leverer tvilsmelding regnes ikke som part i saken.

Tvilsmeldinger som er åpenbart ugrunnet skal ikke behandles av institusjonsansvarlig.

### § 7. Behandling hos institusjonsansvarlig

Studenten skal varsles skriftlig om at det foreligger begrunnet tvil om vedkommendes skikkethet. Institusjonsansvarlig skal innkalle studenten til vurderingssamtale, og sørge for at saken blir så godt opplyst som mulig. Studenten skal få tilbud om utvidet oppfølging og veiledning med mindre det er åpenbart at slik oppfølging ikke er egnet til å hjelpe studenten. Praksisperioder kan utsettes til etter at utvidet veiledning er avsluttet.

Fra vurderingssamtalen skal det lages skriftlig referat, som inneholder en beskrivelse av saksforholdet og eventuelle planer for utvidet oppfølging og veiledning av studenten.

Hvis utvidet oppfølging og veiledning ikke medfører den nødvendige endring og utvikling hos studenten, skal institusjonsansvarlig fremme saken for skikkethetsnemnda.

### § 8. Behandling i skikkethetsnemnda

Saker som fremmes for skikkethetsnemnda skal følges av all skriftlig dokumentasjon i saken. Nemnda skal utrede saken ytterligere dersom det er nødvendig.

Studenten skal varsles i god tid om tidspunktet for møtet, og gjøres kjent med sakens opplysninger. Studenten skal

ha mulighet til å legge frem sine synspunkter for nemnda før møtet.

Nemnda lager en innstilling til styret med en vurdering av hvorvidt studenten er skikket eller ikke, hvorvidt studenten bør utestenges fra lærerutdanningen, samt lengden på utestengingsperioden og eventuelle vilkår for at studenten skal få gjenoppta lærerutdanningen. Vedtak om innstilling fattes med to tredels flertall.

## **§ 9. Behandling i styret**

På bakgrunn av skikkethetsnemndas innstilling fatter styret selv vedtak om at en student ikke er skikket etter reglene i universitets- og høyskoleloven § 42b nr. 3 og 4. Det skal ikke utstedes vitnemål for lærerutdanningen til en student som er funnet ikke-skikket.

Hvis en student som er funnet ikke-skikket skal utestenges fra lærerutdanningen, skal det fattes særskilt vedtak om dette. Studenten kan utestenges fra lærerutdanningen inntil 3 år. Ved kortere utestenging kan styret stille vilkår som må være oppfylt før lærerutdanningen gjenopptas.

Vedtak om utestenging skal opplyse studenten om at han/hun ikke kan søke eller ta imot plass ved andre lærerutdanninger i utestengingsperioden og at han/hun må søke nytt opptak dersom lærerutdanningen skal gjenopptas etter utestengingsperioden.

0 Endret ved forskrift 1 juli 2002 nr. 737.

## **§ 10. Sentralt register**

Når det er fattet vedtak om at en student ikke er skikket, skal opplysninger om studentens navn og omfang og tidsbegrensning av en eventuell utestenging sendes til Samordna opptak, som vil opprette et sentralt register. Hvis vedtak blir omgjort etter klage skal det sendes melding til Samordna opptak om dette.

Opplysningene i det sentrale registeret skal slettes når utestengingsperioden er over.

## **§ 11. Ikrafttredelse**

Denne forskrift trer i kraft straks.

# **FORSKRIFT OM KLAGENEMNDA VED HØGSKULEN I VOLDA**

Fastsatt av styret 18. april 1996 ved Høyskolen i Volda med hjemmel i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universitet og høyskoler §§ 24 nr. 1 og 26 nr. 3.

## **KAPITTEL I. VIRKEOMRÅDET FOR FORSKRIFTEN**

### **§ 1. Virkeområdet for forskriften og forholdet mellom nemnda og styret**

Forskriften her gjelder klagenemnda ved Høyskolen i Volda. Forskriften her avskjærer ikke styrets rett til omgjøring av klagenemndas vedtak etter særlig hjemmel eller alminnelige forvaltningsrettslige prinsipper.

### **§ 2. Forholdet til forvaltningsloven**

Selv om påklaget vedtak ikke er enkeltvedtak, gjelder forvaltningsloven kapittel IV - VI. Klagenemnda har samme kompetanse som klageinstans i forvaltningsloven kapittel VI.

## **KAPITTEL II. SAMMENSETNINGEN AV KLAGENEMNDA**

### **§ 3. Sammensetning og oppnevning av medlemmer av nemnda**

Klagenemnda skal ha 5 medlemmer med personlige varamedlemmer som fyller kravene i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universitet og høyskoler § 25 og oppnevnes av styret.

De av medlemmene og deres varamedlemmer som er studenter, oppnevnes med en funksjonstid på 1 år etter forslag fra studentorganet opprettet med hjemmel i loven § 27 nr. 1 første punktum. Lederen og varamedlem for lederen og øvrige medlemmer av nemnda og deres varamedlemmer oppnevnes med en funksjonstid på 3 år. Andre medlemmer enn lederen og varamedlem for lederen oppnevnes etter forslag fra avdelingene. Funksjonstiden ved oppnevning etter reglene i paragrafen her regnes fra 1. januar kalenderåret etter at oppnevningen fant sted.

#### **§ 4. Uttreden av klagenemnda**

Dersom lederen eller varamedlem for lederen ikke lenger fyller de lovbestemte vilkår for dommere, trer vedkommende ut av nemnda fra samme tidspunkt. Styret oppnevner ny leder eller varamedlem for lederen, men kan unnlate det dersom det gjenværende funksjonstid er 3 måneder eller mindre.

Når lederen eller varamedlem for lederen skifter bopel slik at utgiftene forbundet til fremmøte i klagenemnda blir vesentlig større enn de var på oppnevningstidspunktet, avgjør styret i hvert enkelt tilfelle om det skal oppnevnes ny leder eller varamedlem for lederen resten av funksjonstiden.

Dersom et medlem eller varamedlem av klagenemnda meddeles avskjed, suspenderes eller ilegges ordensstraff etter lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universitet og høyskoler § 34, skal medlemmet tre ut av klagenemnda. Det samme gjelder dersom det treffes vedtak etter samme lov § 42 mot et medlem eller varamedlem som er student. Dersom det igangsettes sak om vedtak etter samme lov §§ 34 eller 42, avgjør styret om det aktuelle medlem også skal tre ut av klagenemnda før endelig vedtak blir truffet. Det oppnevnes nytt medlem eller varamedlem for resten av funksjonstiden eller frem til endelige vedtak etter samme lov §§ 34 og 42 er truffet dersom det gjenstår mer enn 3 måneder av funksjonstiden.

Når medlem eller varamedlem som er ansatt ved institusjonen, avslutter sitt ansettelsesforhold ved institusjonen, trer vedkommende ut av klagenemnda. Styret oppnevner nytt medlem eller varamedlem for resten av funksjonstiden dersom det gjenstår 3 måneder eller mer av funksjonstiden.

Dersom et medlem eller varamedlem som er ansatt ved institusjonen får permisjon for å ta annet lønnet arbeid, avgjør styret i hvert enkelt tilfelle om vedkommende skal tre ut av klagenemnda ved permisjon lengere enn 3 måneder. Det samme kan styret gjøre ved permisjon uten hensyn til permisjonstidens lengde og om vedkommende tar annet lønnet arbeid dersom permisjonen fører til at utgiftene forbundet med fremmøte i klagenemnda blir vesentlig større enn de var på oppnevningstidspunktet. Ved uttreden av klagenemnda kan styret velge om det skal oppnevnes nytt medlem eller varamedlem for permisjonstiden eller for resten av funksjonstiden.

Medlem eller varamedlem som er student, trer ut av klagenemnda dersom vedkommende slutter som student ved institusjonen. Det velges nytt medlem eller varamedlem dersom det gjenstår mer enn 3 måneder av funksjonstiden.

#### **§ 5. Om innkalling av varamedlem**

Varamedlemmet innkalles dersom et medlem melder forfall.

Lederen av klagenemnda avgjør i hvert enkelt tilfelle om varamedlemmet skal innkalles for å delta i avgjørelse om det medlem som varamedlemmet er stedfortreder for, er habil til å delta i behandlingen av en sak.

### **KAPITTEL III. BEHANDLINGEN AV SAKER I NEMNDA**

#### **§ 6. Nemndas saklige kompetanse**

Nemnda skal behandle og treffe vedtak i saker vedrørende klager over følgende vedtak:

1. Klage over vedtak som avslår opptak til studium eller kurs ved høyskolen som ikke skal avgjøres av annet organ enn høyskolen.
2. Klage over avslag på fritak fra plikten til å fremstille seg til eksamen eller forprøve.
3. Klage over vedtak om fritak eller annen begunstiging vedrørende gjennomføringen av eksamen eller forprøve.
4. Klager over formelle feil, dvs. andre feil enn klager over feil vurdering av faglig prestasjon, begått før, under og etter avholdelsen av eksamen og forprøve. Det samme gjelder vedtak om ikke å gi lærervitnemål etter lov av 8. juni 1973 nr. 49 om lærarutdanning §§ 5 a og 24 nr. 3.
5. Vedtak om avvisning av klage i sak som hører inn under klagenemnda.

#### **§ 7. Andre saker**

Klagenemnda skal avgi uttalelse i saker som styret legger frem for nemnda. Klagenemnda kan av eget tiltak avgi uttalelse til styret dersom den mener at regler eller praktiseringen av regler innenfor klagenemnda virkeområde bør vurderes av styret.

#### **§ 8. Adgangen til å gå utenfor klage**

Klagenemnda kan av eget tiltak etter reglene om vedtak i klagesak i forvaltningsloven § 34 ta opp til behandling andre sider ved det vedtak som er påklaget enn det som er gjort til klagegjensstand. Det samme gjelder dersom klagenemnda antar at vilkårene for å treffe vedtak etter lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universitet og høyskoler § 51 nr. 4 er til stede. Reglene i foregående ledd avskjærer ikke klagenemnda rett til omgjøring av vedtak uten klage etter forvaltningsloven § 35.

#### **§ 9. Om klage**

Klage undergis behandling av den som traff vedtak, og dersom vedtaket blir opprettholdt, oversendes den til

klagenemnda, jfr. forvaltningsloven § 33. Vedtak om avvisning av klage truffet av den som traff vedtaket, er gjenstand for selvstendig klage.

Det kan i samme klage fremsettes klage over formelle feil og karakterfastsetting.

#### **§ 10. Kumulasjon av klage og oppdeling av behandlingen**

Flere klager fra en klager eller ulike klagere kan forenes til felles behandling så lenge taushetsplikt ikke er til hinder for det. Klagenemnda kan dele opp behandlingen av en klagesak. Klagenemnda avgjørelser her kan fritt gjøres om av klagenemnda selv før vedtak treffes.

#### **§ 11. Saksbehandlingen i klagenemnda**

Saker skal avgjøres av klagenemnda i møte, men lederen av klagenemnda eller et medlem som er valgt ut til forberedelsen av saken, kan beslutte at åpenbart kurante saker skal behandles skriftlig. Beslutning kan omgjøres av ethvert medlem av klagenemnda før det er truffet vedtak i saken.

#### **§ 12. Klagenemnda vedtak og forholdet til ny sensur**

Dersom det i samme klage er fremsatt anførsler som både skal behandles av nye sensorer etter lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universitet og høyskoler § 52 og av klagenemnda, undergis klage samtid behandling av de nye sensorer og klagenemnda. Dersom klagenemnda treffer vedtak om ny sensur, jfr. samme lov § 51 nr. 4, skal karakteren fastsatt av de nye sensorer ha status som første gangs sensur etter samme lov § 50.

#### **§ 13. Undertegningen av vedtak truffet av klagenemnda**

Det føres protokoll for nemndas behandling av saker og protokollen skal for hvert vedtak undertegnes av de som deltok i behandlingen av saken.

Klagenemnda kan enstemmig beslutte at ikke alle medlemmene skal være til stede ved undertegningen av protokollen. Besluttes det at ikke alle medlemmene av klagenemnda skal være til stede ved undertegningen av protokollen, kan et medlem etter at beslutningen ble truffet, men før alle medlemmene har underskrevet, kreve at alle medlemmene skal være til stede samtidig ved undertegningen av protokollen.

Et medlem som er nedstemt ved en votering, kan alltid kreve å få inntatt i protokollen en redegjørelse for sitt standpunkt.

#### **§ 14. Klagenemndas møter**

Klagenemnda møte er offentlig så langt det legges frem opplysninger som ikke er underlagt taushetsplikt.

Klagenemnda kan tillate at muntlig henvendelse fra klageren etter forvaltningsloven § 11 c, kan være en muntlig fremstilling av saken for nemnda i møte. En part eller et medlem av klagenemnda kan kreve at klagenemnda behandler saken i lukket møte. Spørsmålet avgjøres av klagenemnda etter drøfting i lukket møte.

#### **§ 15. Plikt til besvare henvendelser fra klagenemnda**

Ansatte og studenter ved institusjonen plikter å besvare henvendelser fra klagenemnda.

Klagenemnda kan tillate at ansatt ved institusjonen eller en annen som har behandlet saken, møter for klagenemnda og forklarer seg om det påklagede forhold i møte.

### **KAPITTEL IV. ANDRE REGLER**

#### **§ 16. Hjemmel for instruks for nemnda**

Klagenemnda kan fastsette en instruks for nemnda med de interne saksbehandlingsregler for nemnda. Instruksen kan hjemle at klagenemnda enten generelt eller for en konkret sak delegere kompetanse til lederen eller et annet medlem av klagenemnda til å treffe følgende avgjørelser:

1. Avgjøre krav om dokumentinnsyn i saker både før og etter vedtak er truffet.
2. Ta stilling til om påklage vedtak skal gis utsatt iverksetting.
3. Treffe endelig eller midlertidig vedtak i saker hvor nemnda bør treffe vedtak enten før det kan avholde et møte eller før en skriftlig behandling av saken kan gjennomføres.
4. Treffe beslutning om at det skal innhentes uttalelse fra andre til opplysning av saken før saken undergis ordinær behandling i nemnda.
5. Ta stilling til om en sak skal behandles skriftlig.
6. Ta stilling til om klageren skal kunne fremstille sin sak muntlig for klagenemnda i møte.
7. Gi varsel om endring i klagesak til skade for klageren etter forvaltningsloven § 34 annet ledd og varsel om omgjøring etter forvaltningsloven § 35 tredje ledd.
8. Treffe vedtak om søksmålsfrist etter tvistemålsloven § 437 annet ledd.



### **§ 18. Forholdet til administrasjonen ved institusjonen**

Administrerende direktør, eller den han peker ut, plikter å være sekretær for klagenemnda i de utstrekning klagenemnda ber om det. Administrerende direktør, eller den han peker ut, plikter å gjøre klagenemnda og klagemuligheten kjent.

### **§ 19. Ikrafttredelse og overgangsregler**

Denne forskrift trer i kraft straks. Ved første gangs oppnevning av medlemmer i klagenemnda fastsettes funksjonstiden for leder og medlemmer og deres varamedlemmer med unntak av studentrepresentantene og deres varamedlemmer fra oppnevningstidspunktet og til og med 31. desember 1998. For studentrepresentantene og deres varamedlemmer skal funksjonstiden være fra oppnevningstidspunktet og til og med 31. desember 1996

## **FORSKRIFT OM PROSJEKT- OG KLIENTPRAKSIS VED SOSIONOM- OG BARNEVERNSPEDAGOGUTDANNINGANE VED HØGSKULEN I VOLDA.**

Fastsett av styret for Høgskulen i Volda 17. desember 1998 med heimel i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler § 50 nr. 6, jf. nr. 1-5, og § 53.

### **§ 1. Verkeområde**

Denne forskrifta gjeld for prosjekt- og klientpraksis slik desse er definerte i studieplanane for sosionom- og barnevernsutdanningane.

### **§ 2. Prosjektpraksis**

Prosjektpraksis skal normalt gjennomførast i grupper på 3-5 studentar. Etter søknad til Avdeling for samfunnsfag kan prosjektpraksis ved særlege høve gjennomførast av fleire eller færre studentar. I prosjektpraksis er arbeids- og læringsprosessar ein viktig del. Prosjektpraksis omfattar:

1. Utarbeiding av ein felles rapport, og eventuelle andre former for dokumentasjon om eit fagleg relevant tema.
2. Framlegging av prosjektet.
3. Individuell skriftleg rapport om den einskilde sine erfaringar med prosjektarbeidet.

### **§ 3. Klientpraksis**

Klientpraksis omfattar:

1. Deltaking på praksisførebuande kurs.
2. Praksis på ein tilvist praksisstad.
3. Arbeidskrav gitt av høgskulen.
4. Deltaking ved evaluering etter praksisperioden.

### **§ 4. Krav om deltaking ved prosjektpraksis**

Dersom einskildstudentar ikkje i tilfredsstillande grad tek del i prosjektarbeidet, kan det i høve til den einskilde studenten verte sett vilkår for godkjenning.

### **§ 5. Krav til frammøte ved klientpraksis**

1. Ved fråver frå obligatorisk undervisning før og etter klientpraksis, jf forskrifta her § 3 nr 1 og 4, gjeld reglement av 18. april 1996 for studentframmøte ved Høgskulen i Volda og forskrift av 20. mars 1997 nr 361 om eksamen ved Høgskulen i Volda § 5 nr 5.
2. Under praksisperioden skal studenten følgje arbeidstida på praksisstaden.

3. Studenten kan ha inntil 10 dagar legitimert fråver. Fråver ut over dette kan berre skje etter avtale med høgskulen. Eit eventuelt fråver ut over 10 dagar skal takast att.

4. Ved avbrot i praksisperioden fastset Avdeling for samfunnsfag i kvart einskild tilfelle når praksisperioden skal fullførast.

### **§ 6. Godkjenning av prosjektpraksis**

Prosjektpraksis skal godkjennast av faglærer/rettleiar som vert oppnemnt av avdelinga, jf lov om universiteter og høgskoler § 50 nr 2 siste ledd. Ein rettleiar kan åleine godkjenne praksis eller setje vilkår for godkjenning av praksis. Vedtak om å ikkje godkjenne praksis skal gjerast av to rettleiarar, eller av tre rettleiarar som fleirtalsavgjerd, dersom desse to ikkje er samde.

### **§ 7. Godkjenning av klientpraksis**

1. Klientpraksis skal godkjennast av ein faglærer (kontaktlærer) og ein rettleiar på praksisstaden som begge vert oppnemnde av avdelinga, jf lov om universiteter og høgskoler § 50 nr 2 siste ledd. Praksis må vere godkjent for at studenten skal kunne halde fram med studiet.

2. Dersom avbrot i praksis skuldast svangerskap, eigen eller barns sjukdom eller andre grunnar som vert godkjende av høgskulen, må minst halvparten av praksisperioden vere fullført og godkjent før studenten kan halde fram i studiet. Det som står att av praksisen, skal takast att snarast råd.

### **§ 8. Tvil om godkjenning/ikkje godkjenning av klientpraksis**

1. Praksisrettleiar og/eller faglærer kan reise tvil om eller kome med framlegg om ikkje godkjenning av praksis.

2. Når det er tvil om praksis kan godkjennast, eller det kjem framlegg om ikkje godkjenning, skal det arrangerast eit møte mellom student, praksisrettleiar, faglærer og/eller praksiskonsulent og/eller eventuelt andre som kan ha viktig kunnskap om saka. Føremålet med møtet skal vere å klare opp eventuelle mistydingar og å kartlegge alle viktige fakta og synspunkt i saka.

3. Initiativ til eit slikt møte skal takast så fort råd er og seinast fire - 4 - veker før praksisopplæringa skal slutte. Dersom spesielle tilhøve seier det, kan ein fråvike fire-vekera regelen.

4. Høgskulen tek initiativ til møte, og har ansvar for innkalling og gjennomføring av det. Innkallinga skal vere skriftleg og vere studenten i hende seinast åtte - 8 - dagar før møtet. Innkallinga skal gjere greie for kva saka gjeld og skal elles innehalde det som reknast som påkravd for at studenten på forsvarleg måte kan ivareta sitt tarv. Det skal førast protokoll.

5. Eventuelle kommentarar skal vere skriftlege, og skal sendast til instituttleiar seinast ei - 1 - veke etter at protokollen er ferdig.

6. På grunnlag av dei opplysningane som ligg føre, gjer avdelingsstyret, eller den avdelingsstyret gir fullmakt, vedtak om praksisopplæringa skal godkjennast eller ikkje.

7. Vedtak om ikkje godkjenning av praksisopplæringa skal grunnjevast skriftleg.

8. Vedtaket og grunngevinga skal sendast studenten.

### **§ 9. Kontinuasjon ved klientpraksis**

1. Dersom klientpraksis ikkje vert godkjent, har studenten rett til å kontinuere ein - 1 - gong.

2. Ved kontinuasjon følgjer høgskulen dei vanlege prosedyrene for praksisplassering. Til vanleg vil dette seie at ein følgjer høgskulen sine tider for praksisutplassering, om ikkje anna vert avtalt særskilt.

### **§ 10. Vitnemål**

Det skal ikkje skrivast ut vitnemål før praksisopplæringa er godkjent, jf eksamensreglementet § 15 nr 1.

### **§ 11. Klage**

1. Vedtak om vilkår som må oppfyllest før praksis kan godkjennast og vedtak om ikkje godkjenning av praksis, kan ikkje påklagast.
2. Reglane i nr 1 avgrensar ikkje retten til å klage på grunn av formelle feil. Slik klage skal rettast til høgskulen si klagenemnd.

### **§ 12. Heimel for unntak frå forskrifta og utfyllande reglar**

1. Avdeling for samfunnsfag kan gjere unntak frå forskrifta.
2. Avdeling for samfunnsfag kan gi utfyllande reglar til denne forskrifta.

### **§ 13. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 1999.

## **FORSKRIFT OM KRAV TIL BREDDE OG FORDYPNING FOR GRADER OG YRKESUTDANNINGER VED UNIVERSITETER OG HØGSKOLER**

Fastsatt av Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 23. desember 1999 med hjemmel i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler § 45 nr.1, jf. kongelig resolusjon 10. mai 1996, punkt II.

### **§ 1 Virkeområde**

Forskriften omfatter krav og myndighet knyttet til bestemmelser om bredde og fordypning for grader og yrkesutdanninger ved institusjoner under lov om universiteter og høgskoler.

### **§ 2 Krav til cand.mag.-grad**

Graden candidata/candidatus magisterii (cand.mag.-grad) oppnås på grunnlag av

a. fire års normert studietid for

- grad med faglig tyngde innenfor historisk-filosofiske og samfunnsvitenskapelige fag eller generelt sammensatt grad ved universitetene

- grad ved de statlige høgskolene, kunsthøgskolene, Norges idrettshøgskole og Norges musikkhøgskole, og må omfatte eksamen i ett fag/studium som svarer til to semestres normert studietid og ett fag/studium som svarer til tre semestres normert studietid. 4-årig lærerutdanning tilfredsstillt kravet til cand.mag.-grad dersom den inneholder en faglig enhet på minst to semestre. Pedagogikk som slik enhet må bestå av eksamener ut over obligatorisk studieenhet i faget.

b. tre og et halvt års normert studietid for grad med faglig tyngde innenfor realfag ved universitetene og Norges landbrukshøgskole, og må enten omfatte eksamener i emner på til sammen 30 vekttall som samlet utgjør en emne- og studieretningsgruppe i ett realfag, eller eksamen i en emnegruppe i ett realfag og eksamen i ytterligere en emnegruppe innen realfag eller et annet studium av tilsvarende omfang, jf. forskriftens § 4 b. Institusjonens styre godkjenner emne- og studieretningsgrupper.

Examen philosophicum skal inngå i grunnlaget for cand.mag.-grad ved universitetene. Styret kan fastsette regler om unntak, og om eventuelt krav om påbyggingsstudium for examen philosophicum.

Examen philosophicum kan inngå i grunnlaget for cand.mag.-grad ved statlig høgskole, vitenskapelig høgskole og kunsthøgskole, men er ikke et obligatorisk krav.

Kravene i cand.mag.-grad dekkes også av enheter som har en studietid ut over henholdsvis ett år/20 vekttall og ett og et halvt år/30 vekttall, jf. § 4 c og d-e nedenfor. For cand.mag.-grad med faglig tyngde innenfor realfag må krav om

godkjenning som emnegruppe/studieretnings-gruppe være oppfylt.

Eksamensenheter med omfang ett semester/10 vekttall eller mindre innenfor samme fagområde kan samlet godkjennes som enhet i cand.mag.-grad etter nærmere regler fastsatt av styret.

Vitnemål om cand.mag.-grad utstedes av institusjon der det er avlagt eksamen(er) tilsvarende minst to semestres normert studietid.

### **§ 3 Gjelder ikke Høgskulen i Volda**

#### **§ 4 Studieenheter**

Studieenheter som kan inngå i grunnlaget for gradene under §§ 2 og 3 er:

- a. eksamen fra studier med normert studietid på ett semester/10 vekttall som semesteremne, halvårsenhet, halvårig studium, halvårig påbyggingsstudium/videreutdanning
- b. eksamen fra studier med normert studietid på to semestre/20 vekttall som grunnfag, emnegruppe, årsenhet, årsstudium, ettårig utdanningsprogram, ettårig yrkesutdanning/påbyggingsstudium/videreutdanning
- c. eksamen fra studier med normert studietid på tre semestre/30 vekttall som mellomfag, årsheter/årsstudier/grunnfag med tilhørende halvårig påbyggingsstudium/videreutdanning, mellomfagstillegg som bygger på grunnfag eller tilsvarende, studieretningsgruppe som bygger på emnegruppe eller tilsvarende
- d. eksamen fra studier med normert studietid på fire semestre/40 vekttall som storfag, årsheter/årsstudier/grunnfag med tilhørende ettårig påbyggingsstudium/videreutdanning, toårige yrkesutdanninger, toårig høgskolekandidatutdanning, andre toårig studium
- e. grader, yrkesutdanninger og annen utdanning med normert studietid på 2 - 4 år.
- f. hovedfagseksamen som bygger på kunnskapsgrunnlag med omfang tilsvarende tre semestres studietid/mellomfag eller tilsvarende, med normert studietid på fire semestre til gradene cand. philol, cand.polit, cand.san, cand.musicæ og hovedfagskandidat, og tre til fire semestre til graden cand. scient.

Mindre eksamensenheter og deler av utdanninger kan inngå i grunnlaget for gradene etter nærmere regler fastsatt av styret.

#### **§ 5 Ikrafttredelse**

Forskriften trer i kraft straks. Institusjonens styre fastsetter bestemmelser om eventuelle overgangsordninger.

#### ***Utfyllende regler for cand.mag.-graden ved Høgskulen i Volda***

Vedtatt av styret for Høgskulen i Volda 20.06.2000, med heimel i Forskrift om krav til bredde og fordypning for grader og yrkesutdanninger ved universiteter og høgskoler, fastsett av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 23.12.1999.

#### **Til § 2**

Dei to obligatoriske faga/studia på høvesvis to semester og tre semester normert studietid som skal inngå i cand.mag.-graden, må vere fullførte studieeiningar med godkjend fag- eller studieplan.

Examen philosophicum (5vektal) i kombinasjon med examen facultatum eller andre påbyggingseiningar med omfang 5 vektal vert godkjend som ei 10-vektaltseining.

Examen philosophicum etter gamal ordning vert godkjend som ei 10-vektaltseining (gjeld eksamen avlagt før 01.08.98)

#### **Til § 4**

Inntil 20 vekttal fritt valde eksamenseiningar frå godkjende studium, med minimum 5 vekttal i kvart fag, kan inngå i cand.mag.-graden.

Fagleg overlapping innanfor delar av studia kan godtakast med totalt inntil 5 vekttal. Overlapping ut over 5 vekttal må kompenseras.

Eit studium som skal utgjere ei studieeining, må innehalde minst 10 vektta. Desse vektta kan ikkje overlape med andre studieeininger som inngår i graden. Denne regelen gjeld ikkje 4-årig lærarutdanning, jf. forskrifta § 2a, andre ledd.

Eksamenar frå institusjonar utanfor Lov om universiteter og høgskoler vert godkjende i samsvar med dei tilrådingane som er gitt av tidlegare Nasjonalt koordinerende utvalg for godkjenning av eksamener (NKU) og departementet si oversikt over studietilbod med eksamensrett etter privathøgskulelova.

### **Overgangsordningar**

Kandidatar som avsluttar 4-årig allmennlærerutdanning i 2000 og i 2001 og allmennlærarar som avsluttar halvårseining i pedagogikk/spesialpedagogikk seinast våren 2001, vil som ei overgangsordning få godkjend halvårseining i pedagogikk/spesialpedagogikk og den obligatoriske studieeininga i pedagogikk i allmennlærerutdanninga som ei fagleg eining på to semester.

Overgangsordninga gjeld også førskulelærarar og vernepleiarar som seinast våren 2001 tar halvårseining i pedagogikk/spesialpedagogikk som påbyggingsstudium/vidareutdanning.

### **Andre reglar**

I tilfelle der det er behov for nærare dokumentasjon av studiet og innhaldet i studiet, er det søkjaren sitt ansvar å skaffe fram fag-/kursplanar og pensumlister for det aktuelle året utdanninga er tatt.

Verknadsdato for cand.mag.-graden vert sett til 20. juni når utdanninga er fullført i vårsemesteret og 20. desember når utdanninga er fullført i haustsemesteret. Dersom utdanninga er fullført på anna tidspunkt, er verknadsdato 20. i den månadem utdanninga vart fullført.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **ENGELSK (1, 2 OG GRUNNFAG)**
  - OPPTAKSKRAV
  - MÅL
  - ORGANISERING
  - ARBEIDSMÅTAR
  - INNHALD I DISIPLINANE
    - Fonetikk
    - Grammatikk
    - Litteratur
    - Samfunnsstudium
    - Fagdidaktikk/metodikk
    - Munnleg engelsk
  - VURDERING
    - Forkrav
    - Evaluering i einskildmodular:
  - PENSUM
    - Fonetikk
    - Grammatikk og språkbruk
    - Samfunnsstudium
    - Didaktikk/metodikk
    - Forretningsengelsk
    - Litteratur
    - Litteraturhistorie/litteraturkunnskap:

## ENGELSK (1, 2 OG GRUNNFAG)

Tilbodet i engelsk ved Høgskulen i Volda utgjer maksimum 60 studiepoeng (grunnfag). Dette kan takast som eit samanhengande årsstudium, men er organisert i modular som kan takast einskildvis eller i kombinasjonar, t.d. som Engelsk 1 eller Engelsk 2.

Engelsk 1 er eit tilbod til lærarstudentar, lærarar og andre som ynskjer 30 studiepoeng i engelsk. Tilbodet omfattar alle disiplinane og gjev undervisningskompetanse i faget.

Engelsk grunnfag (60 studiepoeng) ved Høgskulen i Volda, fullført under eitt eller som Engelsk 1+ Engelsk 2, gir grunnlag for mellomfagsstudium ved andre høgskular og universitet.

### OPPTAKSKRAV

Det vert kravd generell studiekompetanse eller tilsvarande realkompetanse. Engelsk 2 er eit påbyggingsstudium til Engelsk 1, og ein må ha fullført og bestått Engelsk 1 før ein kan ta eksamen i Engelsk 2.

### MÅL

Gjennom å gi studenten fagleg innsikt, skal studiet både kvalifisere til lærararbeid i grunnskulen, leggje grunnlaget for vidare engelskstudium og vere eit middel til personleg utvikling. Dette tredelte hovudmålet inkluderer følgjande

delmål:

Studiet skal gi:

- auka språkglede og kunnskap om språk
- øving i å bruke språket skriftleg og munnleg
- innsikt i kultur og samfunn i land der engelsk er hovudspråk
- gode litteraturopplevingar
- innsikt i arbeid med og bruk av litteratur

For studentar som tek fagdidaktikk/metodikk:

- grunnlag for å planleggje, gjennomføre og vurdere eiga undervisning
- grunnlag for å vurdere læreverk og fagplanar, og for å ta del i vidareutvikling av faget

## ORGANISERING

Studieåret for alle tre einingane startar i august og endar i mai/juni. Einskilddisiplinar kan likevel bli lagt over ei avgrensa periode av året, med evaluering i same periode. Fonetikk ligg for tida i hausthalvåret med eksamen før jul. Undervisninga for Engelsk 1 og Engelsk 2 blir delvis integrert i grunnfagsundervisninga. Undervisninga vil vere på faste vekedagar, men veketimetallet kan variere noko.

Studiet er bygt opp kring fem disiplinær: fonetikk, grammatikk, litteratur, samfunnsstudium og fagdidaktikk/metodikk **eller** forretningsengelsk.

Munnleg og skriftleg språkbruk er ein viktig del av faget. Studentar som ynskjer å begynne på engelsk bør ha eit godt språkleg grunnlag. Det vert lagt vekt på øving i dette gjennom året. Skriftleg språkbruk vert evaluert i samband med evalueringa til alle disiplinane ovanfor. Munnleg språkbruk utgjer ein eigen modul i evalueringssamanheng. Sjå under **Innhald i disiplinane**.

**Engelsk 1 (30 studiepoeng)**, er eit halvtidsstudium over eitt år. Opplegget for studiet byggjer på rammeplan for lærarutdanning og utgjer samstundes første delen av grunnfagsstudiet.

Det består av fylgjande modular:

- Litteratur: 4 studiepoeng
- Samfunnsstudium: 4 studiepoeng
- Fonetikk: 4 studiepoeng
- Grammatikk: 4 studiepoeng
- Fagdidaktikk/forretningsengelsk: 8 studiepoeng

Munnleg engelsk: 6 studiepoeng

**Engelsk 2 (30 studiepoeng)**, er eit påbyggingsstudium til Engelsk 1 og utgjer siste delen av grunnfagsstudiet.

Det består av fylgjande modular:

- Litteratur: 8 studiepoeng
- Samfunnsstudium: 4 studiepoeng
- Fonetikk: 4 studiepoeng
- Grammatikk: 8 studiepoeng

Munnleg engelsk: 6 studiepoeng

**Engelsk grunnfag (60 studiepoeng)** er eit fulltidsstudium over eitt år.

Det består av fylgjande modular:

- Litteratur: 12 studiepoeng
- Samfunnsstudium: 8 studiepoeng
- Fonetikk: 8 studiepoeng
- Grammatikk: 12 studiepoeng
- Fagdidaktikk/forretningsengelsk: 8 studiepoeng

Munnleg engelsk: 12 studiepoeng

Studentar som tek engelsk som del av allmennlærerutdanninga, eller som ynskjer å ta allmennlærerutdanning seinare, må ta modulen fagdidaktikk/metodikk.

Studentar som ikkje er i allmennlærerutdanninga, men som ynskjer undervisningskompetanse i faget, bør òg ta denne modulen. Andre studentar har høve til å bytte ut modulen med ein alternativ modul i forretningsengelsk av samme storleik.

Modular/deltidsstudium

Det er høve til å ta einskildmodular på grunnfagsnivå. For å få undervisningskompetanse, må ein likevel ha alle disiplinær i studiet. Ein må ha fullt grunnfag for å ta mellomfag. Einskildmodular på Engelsk 1-nivå kan berre takast som ein del av eit heilt studium. Merk òg vilkår under punktet **vurdering**.

## **ARBEIDSMÅTAR**

Undervisninga vil vere basert på ein kombinasjon av individuelt-, par-, gruppearbeid, og førelesingar. Engelsk institutt i Volda er med i eit landsomfattande prosjekt i lærarutdanninga (PLUTO-prosjektet). Dette inneber at det vert lagt vekt på studentaktive arbeidsmåtar og at IKT vil bli brukt som ein integrert del av studiet.

Basisgrupper:

Studentane vert delt opp i basisgrupper. Desse gir høve til å samarbeide om fagstoffet, å førebu og arbeide vidare med stoffet som vert tatt opp i fellestimane, å gi respons og få respons på skriftlege og munnlege arbeid, og elles til frie samtalar omkring aktuelle emne. Oppgåver til bruk i gruppene vil bli distribuert.

Sjølvestudium:

Ein stor del av studietida må brukast til sjølvestudium. Mykje av siktemålet med studiet er å opparbeide ein større språkleg dugleik, og studentane bør difor sørge for å utsetje seg for så stor språkleg påverknad som råd er, både i tale og skrift, og sjølve bruke språket så ofte dei kan.

Undervisningspraksis

Studentar som er i lærarutdanning eller planlegg å gå inn i lærarutdanning, får 20 timars praksis per 30-poengseining, altså 40 timar på grunnfag. Det skal skrivast individuell praksisrapport.

Studietur til England

Det vert arrangert ein to vekers studietur til Det norske studiesenteret i York, England i oktober 2002. Studentar som tek del har høve til å søkje om ekstra studielån frå Lånekassa. Ekskursjonen er obligatorisk for Engelsk 1 og Engelsk grunnfag. Det er høve til å søkje fritak. For dei som ikkje reiser vil det i staden bli arrangert eit obligatorisk seminar i Volda. Studieturen/seminaret er ikkje obligatorisk for Engelsk 2-studentar, men dei har høve til å delta.

Studieevaluering og fagkritisk arbeid

Studieevaluering og fagkritisk arbeid vert gjennomført i samsvar med retningsliner godkjende ved høgskulen. Ein oppmuntrar elles studentane til å gi tilbakemeldingar direkte til lærarane eller gjennom tillitsvald student gjennom heile studiet.

## **INNHALD I DISIPLINANE**

I det følgjande vert det skilt mellom emna som høyrer til pensum i Engelsk 1, merka med I, og emna i Engelsk 2, merka med II. Grunnfagspensumet omfattar både I og II.

### **Fonetikk**

Siktemålet med fonetikkundervisninga er tredelt:



- gi studentane kunnskap om emnet
- gi høve til å forbetre eigen uttale og intonasjon slik at ein kan fungere som god språkmodell
- setje framtidige lærarar i stand til å rettleie elevar

Det vert undervist i standard britisk uttale (RP), men konsekvent amerikansk uttale vert godkjent på lik linje med RP. Alle studentar må likevel bruke det same lydskriftsystemet (IPA), som også vert brukt i norske skulebøker.

Undervisninga i fonetikk vil vere ein kombinasjon av førelesingar, uttaleøvingar og transkripsjonsøvingar. Hovudtyngda av fonetikkopplæringa ligg på Engelsk 1.

### ***Fonetikk I (4 studiepoeng) :***

Fonetikkens plass i språklæra; Taleorgana; Fonem og allofonar; Gjennomgang av alle engelske fonem, med vekt på norske problem; Trykk og svake former; Intonasjon.

### ***Fonetikk II (4 studiepoeng):***

Variantar av engelsk, særskilt skilnaden mellom britisk og amerikansk engelsk, men også andre nasjonale variantar, og britiske regionale og sosiale variantar.

Lydutvikling (språkhistorisk forklaring på skilnaden mellom uttale og skrift).

Vidare arbeid med intonasjon.

## **Grammatikk**

Studiet skal gi ei innføring i grammatiske omgrep (terminologi), i engelsk ordstruktur (morfologi) og setningsbygnad (syntaks), som heile tida vert halde opp mot studium av mening (semantikk). Ein vil kunne ta opp grammatiske problem etter ynske frå studentane. Det vert brukt mange øvingar. Omsetjing går inn som ein del av grammatikkundervisninga.

### ***Grammatikk I (4 studiepoeng):***

Utvalde emne knytt til praktisk språkbruk innan morfologi og syntaks.

### ***Grammatikk II (8 studiepoeng):***

Vidare studium innan morfologi, syntaks og semantikk. Det vert lagt vekt på å utvikle språkmedvit; gi innsikt i kva språk er, og samanhengen mellom språk og kultur.

## **Litteratur**

Litteraturen er ei uvurderleg kjelde til språkleg rikdom, kulturkjennskap og menneskelege erfaringar, og difor ein stor del av kurset.

Hovudtyngda av emnet vil vere arbeid med tekstane, men det vil også bli lagt vekt på litterær terminologi (I), genrelære (II), og den historiske ramma rundt tekstane (II).

Utvalet vil kunne skifte frå år til år, men skal vere litteratur som er eigna til å gje det utbyttet som er nemnt ovanfor. Pensum på grunnfag blir bygd opp som ei oversikt over britisk og amerikansk litteraturhistorie, med hovudtyngda i det 19. og 20. hundreåret, men med bra dekning også på tidlegare hundreår. På engelsk 1 vil det meste av utvalet vere frå det 20. hundreåret.

Alle dei tre hovudgenrane (episk, lyrisk og dramatisk litteratur) er representerte i pensum . Barne- og ungdomslitteratur er alltid med.

I tillegg til den britiske og amerikanske litteraturen, kan ein også ta med eksempel på annan engelskspråkleg litteratur.

## **Litteratur I (4 studiepoeng)**

Pensum på engelsk I utgjør ein tredel av grunnfagspensum. Det meste av utvalet vil vere moderne (20.årh.) britisk og amerikansk litteratur, og språkleg vil denne delen vere enklare enn II.

## **Litteratur II (8 studiepoeng)**

Det vil her bli lese eldre litteratur i tillegg til den moderne, og ein vil i større grad ha eit litteratur-historisk perspektiv.

## **Samfunnsstudium**

Studiet skal gi ei brei innføring i samfunnstilhøva i Storbritannia og USA. Ein kan òg i nokon grad ta for seg tilhøva i andre engelsktalande land. Studiet tek sikte på å skape forståing for kulturelle særpreg og kjennskap til dei faktorane som former og har forma tanke og handling i desse kulturane. Lærebøker i samfunnskunnskap vert supplert med utdrag frå aviser og tidsskrift. Ein føreset at studentane held seg orientert om aktuelle hendingar i Storbritannia og USA. I dei emna ein tek opp, vil ein ofte dra inn norsk samfunnsliv til samanlikning. Studentane skal tileigne seg kunnskap innanfor områda geografi, demografi, historie, sosiale strukturar, politiske strukturar, religion, utdanning, økonomi, media. Ein del av stoffet må lesast som sjølvstudium.

### **Samfunnsstudium I (4 studiepoeng):**

Britisk: Land; folk; politiske institusjonar; sosiale tenester; utdanning; media.

Amerikansk: Land; folk; amerikanisme; styringssystem; samfunn, rase og klasse; utdanning; media.

### **Samfunnsstudium II (4 studiepoeng):**

Britisk: Historie; lokalstyre; internasjonale band; rettsvesen; økonomiske og industrielle tilhøve; religion; kultur og fritid.

Amerikansk: Historie; politiske tilhøve; økonomiske og industrielle tilhøve; religion; internasjonale band.

## **Fagdidaktikk/metodikk**

Emnet skal dekkje både praktisk undervisningsplanlegging og teoretisk skulering for å setje studenten i stand til å vurdere føremål med og innhald i skulefaget engelsk. Ein vil leggje stor vekt på aktiv studentmedverknad i timane, og ein ser det som viktig å øve opp studenten si evne til nytenking og problemløysing. Det er obligatorisk frammøte til undervisninga i fagdidaktikk. Frå studieåret 2002/2003 skal både Engelsk 1- og Grunnfagsstudentar fullføre heile modulen Fagdidaktikk/metodikk (I og II). Emnet er likevel delt opp av omsyn til Engelsk II-studentar, som har Engelsk I etter gamal ordning. Desse skal berre ta Fagdidaktikk/metodikk II.

**Fagdidaktikk/metodikk I** har både eit teoretisk og eit praktisk siktemål. Tilpassa opplæring vil vere eit gjennomgåande prinsipp. Praktiske undervisningsdøme tek ein stor del av tida. Samtidig må studentane også bli medvitne om dei teoretiske problemstillingane. Ein vil drøfte grunnlaget for engelskundervisninga i norsk skule og vurdere ulike tenkjemåtar og arbeidsformer i eit historisk lys.

**I fagdidaktikk/metodikk II** vil ein utdjupe nokre av dei sentrale emna som vert teken opp i F/M I, og med det gi betre grunnlag for planlegging av undervisning, fagplanarbeid og vidareutvikling av faget.

### **Forretningsengelsk**

Emnet tek sikte på å gi ei innføring i bruk av engelsk for forretningsliv. Med hovudvekt på praktisk språkbruk med munnleg øving i form av lytteøving, samtale, diskusjon og møtedeltaking, samt innøving av skriftlege sjangrar som t.d. brev, e-post, rapport og referat, vil innhaldet likevel også ha overføringsverdi til mange daglege situasjonar. Kurset vert basert på å utvikle dei fire språkdugleikane lytting, lesing, skrivning og snakking, og ein legg opp til stor grad av studentaktivitet i timane. Forutan kursboka er kursmateriellet å finne på CD og video, samt på ein eigen nettstad med stadig oppdatert stoff frå London-avisa "Financial Times". For studieåret 2002/2003 vil det vere obligatorisk frammøte til ein dobbelttime pr veke, men i tillegg vil det vere forventa eigeninnsats tilsvarende 2 t/v. Resultatet av dette sjølvstudiet vert å samle i ei mappe, som skal leverast inn ein gong mot slutten av kvart semester (sjå under **Vurdering**).

## Munnleg engelsk

Som separat modul er munnleg engelsk fyrst og fremst ein vurderingsmodul, som bygg på den munnlege øvinga som går føre seg i alle dei andre modulane, og på pensumstoff frå litteratur og samfunnsstudium.

## VURDERING

### Forkrav

Undervisninga i fagdidaktikk/metodikk, eventuell praksis i skulen og studieturen til England er obligatoriske. Studentane som har praksis, må levere godkjent praksisrapport. For dei Engelsk I/ grunnfagsstudentane som søker fritak for ekskursjonen er seminaret obligatorisk.

Forkrav som er del av mappevurdering vert nemnt i samband med disiplinen den er del av.

**Deltidsstudentar** kan ta modulane i den rekkefølge og kombinasjon ein ynskjer, men om ein vil gjennomføre eit heilt studium må ein fullføre siste modul seinast tre år etter første. Modulen munnleg engelsk skal gjennomførast same semester som ein fullfører den sist attståande av dei andre modulane. Ein må oppfylle obligatoriske krav til dei delane ein vel å ta kvart år (sjå eige avsnitt). Den obligatoriske studieturen må til dømes takast same år som ein tek anten litteratur eller samfunnsstudium.

Til den avsluttande vurderinga vert det gitt ein samanfattande karakter som vert fastsett på grunnlag av:

### Evaluering i einskildmodular:

#### a) Litteratur

Ein karakter på grunnlag av ein individuell skriftleg slutt-eksamen (6 timar for grunnfag og II, 3 timar for I) (70%), pluss ei mappe med arbeid gjennom året (30 %).

Mappa skal innehalde eit essay og to mindre arbeid for grunnfag, eit essay og eit kortare arbeid for II, og ei kortoppgåve for I.

Studenten vel sjølv kva arbeid som skal leggst fram for evaluering. Ingen av einingane har obligatoriske prøver gjennom året.

#### b) Samfunnsstudium:

Engelsk 1:

Mappeevaluering

Mappa skal innehalde eitt større og eitt mindre skriftleg arbeid, arbeida må til saman dekkje emne frå både amerikansk og britisk samfunnsstudium, og eit responsnotat til ein annan student sitt skriftlege arbeid.

Studentar kan bli trekt ut til munnleg eksaminasjon over mappa som eit ledd i karaktersetjinga.

Engelsk 2:

Mappeevaluering

Mappa skal innehalde eitt større og eitt mindre skriftleg arbeid, arbeida må til saman dekkje emne frå både amerikansk og britisk samfunnsstudium, og eit responsnotat til ein annan student sitt skriftlege arbeid. Det større skriftlege arbeidet skal vere frå same generelle kulturområde (amerikansk/britisk) som det mindre arbeidet på engelsk 1.

Studentar kan bli trekt ut til munnleg eksaminasjon over mappa som eit ledd i karaktersetjinga.

Grunnfag:

Mappeevaluering

Grunnlag for evalueringa vil vere ei mappe som inneheld to større skriftlege arbeid, to mindre skriftlege arbeid og to responsnotat. Begge kulturområda skal vere dekte av eitt større og eitt mindre arbeid.

Studentar kan bli trekt ut til munnleg eksaminasjon over mappa som eit ledd i karaktersetjinga.

**c) Fonetikk:**

Ein skriftleg slutteksamen i november/desember. (Grunnfag: 3t, Engelsk 1 og 2: 2t)

**d) Grammatikk/omsetjing:**

Ein individuell skriftleg slutteksamen. (Grunnfag: 5t, Engelsk 1 og 2: 4t)

**e) Didaktikk/metodikk:**

Disiplinen har obligatorisk frammøte til undervisninga, og kandidaten får ein samanfattande karakter som byggjer på to komponentar som begge må ha ståkarakter:

I. Innlevering av arbeidsmappe med semesteroppgåver som skal vere godkjende av lærar før kandidaten kan gå opp til avsluttande prøve.

Semesteroppgåvene består av ei større oppgåve og to mindre i haustsemesteret, og to mindre oppgåver i vårsemesteret.

Den `store' semesteroppgåva i haustsemesteret skal ligge i mappa. I tillegg vel studenten ei av dei to mindre oppgåvene frå kvart semester. Studentar som har praksis legg ved praksisrapporten. Studentar som ikkje har praksis utarbeider eit undervisningsopplegg som òg skal ligge i mappa. Vurderinga av mappa vert gitt som eigen karakter.

Nærare retningsliner for oppgåvene i arbeidsmappa (innhald, lengd m.m.) for Engelsk grunnfag, Engelsk 1 og Engelsk 2 vil bli delt ut ved studiestart.

II. Ei avsluttande prøve på 4 timar vert arrangert ved slutten av vårsemesteret. Den gjeld for Engelsk grunnfag, Engelsk 1 og Engelsk 2. Svara frå denne prøva får også eigen karakter.

Endeleg karakter kjem fram ved å slå saman dei to karakterane. Karakteren på arbeidsmappa tel 40%, medan karakteren på den avsluttande prøva tel 60%.

**f) Forretningsengelsk**

Emnet har obligatorisk frammøte til undervisning i 2 t/v samt innlevering av mappe som dokumenterer arbeidsinnsats tilsvarende ytterlegare 2 t/v. Kandidaten får ein samanfattande karakter som byggjer på to komponentar som begge må ha ståkarakter:

I: Innlevering av arbeidsmappe mot slutten av kvart semester. Mappa skal innehalde 4 arbeidsoppgåver pr semester, totalt 8 oppgåver gjennom studieåret. Kvar oppgåve skal svare til 4 timars arbeid. Oppgåvene vil verte basert både på kursboka og nettsidene.

II: Avsluttande munnleg prøve i grupper på 4 - 5 til våren 2003. Prøven vil byggje på case-oppgåver med diskusjon mellom studentane. Det vil bli gitt førebuingstid før sjølve prøven.

Endeleg karakter kjem fram ved å slå saman dei to karakterane. Karakteren på arbeidsmappa tel 60%, medan karakteren på den avsluttande munnlege prøven tel 40%.

**g) Munnleg engelsk**

Ei individuell munnleg prøve. Denne vil mellom anna innehalde diskusjon av eit emne frå pensum (litteratur og/eller

samfunnsstudium).

Prøva er både ei språkprøve og ei prøve i fagkunnskap.

Generelt

Det vert nytta bokstavkarakterar (A-B-C-D-E-F) til evaluering av emna. Karakterane i einskildmodulane blir slått saman i ein karakter, vekta utifrå modulane sin storleik. Om ein student får karakter F i ein modul må denne modulen takast oppatt for at studenten skal få heile studiet godkjent.

## **PENSUM**

Det vert atterhald om at det kan skje endringar i pensum fram til studiestart, særleg innanfor litteratur.

Studentane vil få endeleg pensumliste ved studiestart. Ein kan og ta kontakt med faglærar på førehand.

## **Fonetikk**

### **Grunnbøker:**

Nilsen & Rugesæter: *Basic English Phonetics*. (Fagbokforl) I+II

### **Hjelpebøker:**

O'Connor, J.D: *Better English Pronunciation*. (Cambridge ELT, siste utgåve)

Nielsen, Niels Davidsen: *English Phonetics*. (Gyldendal, 1977) II

Sivertsen, Eva: *English Intonation m. kassett til eigentrening* (Tapir, 1995) II

Thompson, Ian: *Intonation Practice*. (Oxford University Press, 1990)II

Hughes, A & P. Trudgill: *English Accents and Dialects* (Arnold, second edition, 1987)II

Trudgill & Hannah: *International English* (second ed.)II

### **Uttaleordbok:**

Jones, Daniel: *English Pronouncing Dictionary* 14th edition (Everyman)

## **Grammatikk og språkbruk**

### **Grunnbøker:**

Alexander. L.G: *Longman English Grammar Practice Book with Answer Key* (Longman 1991) I

Greenbaum, Sidney: *An Introduction to English Grammar* (Longman)

### **I+II**

Hasselgaard, Johansson & Lysvåg: *English Grammar: Theory and Use* (Universitetsforlaget) II

### **Hjelpebøker:**

Johansson & Lysvåg: *Understanding English Grammar, vols.1 -2*. (Universitetsforlaget.)

Michael Swan: *Practical English Usage* (Oxford University Press)

Lysvåg & Johansson: *Engelsk Grammatikk og Språkbruk. Form og Funksjon*. (Aschehoug 1990)

Loe & Millar: *Engelsk Grammatikk* (Skolebokforlaget 1987)

Christophersen & Sandved: *An Advanced English Grammar*. (Macmillan 1969)

Frank & Rinvulcri: *Grammar in Action* (Pergamon Press)

Mario Rinvulcri: *Grammar Games* (Cambridge Univ. Press)

Ordbøker:

Ei engelsk-engelsk ordbok, t.d. *Collins English Dictionary & Thesaurus*

Berulfsen, B. og H. Svenkerud: *Cappelens store engelsk-norsk ordbok*  
Kirkeby, W.: *Norsk-engelsk ordbok* (event. stor utgåve) (Kunnskapsforlaget)  
Follestad, Sverre: *Engelske idiomer* (Fabritius)  
*Roget's Thesaurus* (synonymordbok) (eventuelt)

## **Samfunnsstudium**

### **Grunnbøker:**

Sirevåg, Torbjørn: *American Patterns* (Revised Edition, Gyldendal 1994)I+II  
Oakland, John: *British Civilisation: An Introduction* (Routledge 1995)I+II  
Haigh, C. (ed.): *The Cambridge Historical Encyclopedia*, 1992: pp. 10-13, 54-65, 94-117, 142-154, 161-170, 194-217, 225-236, 244-301. II

### **Hjelpebøker:**

Mc Dowall: *Britain in Close-Up* (Longman)  
Randle, J.: *Understanding Britain: A history of the British People and their Culture* (Lingual House 1988)  
Room, Adrian: *A to Z of British Life. Dictionary of Britain.* (Oxford Univ. Press 1990)  
Selbyg, Arne: *Norway Today* ( Universitetsforlaget 1986)

### **Aviser/tidsskrift i biblioteket:**

The Observer, Newsweek, The Spectator (The Guardian Weekly)

## **Didaktikk/metodikk**

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L-97)I/II  
Bautz, Margaret: *Better English in the Classroom* (Pensum-tjeneste)I/II  
Harmer, Jeremy: *The Practice of English Language Teaching* (Longman NB! Third edition)I/II  
Scott, Wendy & Lisbeth Ytreberg: *Teaching English to Children* (Longman)I/II  
Eikrem, Bjørg Olsen: *What the Story has to Offer.* (Høyskoleforlaget 1999)I/II

### **Hjelpebøker:**

Simensen, Aud Marit: *Teaching a Foreign Language.* (Tano, 1993) I/II  
Hubbard m.fl.: *A Training Course for TEFL* (Oxford U.P.)

### **Tidsskrift: (Biblioteket abonnerer)**

Modern English Teacher  
English Language Teaching Journal (Oxford U.P.)  
Forum (distr. by the American Embassy)  
Språk og språkundervisning (Landslaget for moderne språk)  
Child Education  
English Teaching Professional

## **Forretningsengelsk**

### **Grunnbok:**

Cotton/Falvey/Kent: *Market Leader - Course Book* (Pearson Education / Longman)

### **Hjelpebøker:**

Evans, D. : *Powerhouse: An Upper Intermediate Business English Course* (Pearson Education / Longman)  
Flinders, S. : *Test Your Professional English: Business Intermediate* (Penguin English Guide / Pearson Education Limited)

Strutt, P. : *Market Leader Business Grammar and Usage* (Pearson Education / Longman)

Tullis, G. & Trappe, T.: *New Insights into Business - Students' Book* (Pearson Education / Longman)

### **Ordbok:**

Longman Business English Dictionary (*Pearson Education / Longman*)

### **Litteratur**

Grunnfagspensum i litteratur er sett saman av 15 verk (romanar, barnebøker og drama), 10 noveller/korttekstar og 40 dikt, pluss litteraturhistorie og litteraturkunnskap.

På engelsk 1 les ein 5 verk, 4 korttekstar og 13 dikt, og engelsk 2 har 10 verk, 6 korttekstar og 27 dikt, pluss litteraturhistorie og litteraturkunnskap.

Det kan bli mindre endringar. Studentane vil få endeleg pensumliste ved studiestart. Det er ein fordel å begynne lesinga før semesterstart.

### **Romanar:**

Jane Austen *Pride and Prejudice* (Oxford World Classics, 1998) (II)

Charlotte Brontë *Jane Eyre* (Penguin Books, 1966) (II)

Charles Dickens *A Christmas Carol* (Puffin Books, 1984) (II)

Nathaniel Hawthorne *The Scarlet Letter* (i *Norton Anthology of American Literature*,1) (II)

Harper Lee *To Kill a Mockingbird* (Arrow Books, 1997) (II)

McEwan, Ian *Enduring Love* (Vintage, 1998) (II)

Chaim Potok *My Name is Asher Lev* (Penguin 1972) (I)

Mark Twain *The Adventures of Huckleberry Finn* (i *Norton Anthology of Am. Lit.*, 2) (II)

### **Barne- og ungdomslitteratur:**

(sjå også under korttekstar)

Roald Dahl *Charlie and the Chocolate Factory* (Collins, 1991) (I)

Lucy Maud Montgomery *Anne of Green Gables* (Puffin Books,1977) (I)

C.S. Lewis *The Lion, the Witch and the Wardrobe* (Collins, 1987) (I)

### **Drama:**

Samuel Beckett *Waiting for Godot* (Faber & Faber, 1988) (II)

Eugene O'Neill *Long Day's Journey into Night* (Jonathan Cape, 1966 eller i *Norton Anthology of Am. Lit.*, 2) (I)

William Shakespeare *Romeo and Juliet* (New Penguin Shakespeare, 1967)(II)

Tennessee Williams *The Glass Menagerie* (Penguin, 1988) (II)

### **Korttekstar:**

(Desse kan vere noveller, essays, brev, dagbokutdrag, utdrag frå ymse verk.)

Korttekstane og dikta er merka med ein kode som viser kvar dei er å finne:

NE1=*The Norton Anthology of English Literature*, volume 1.

NE2= " volume 2.

NA1 = *The Norton Anthology of American Literature*, volume 1.

NA2= " volume 2.

P= Photocopies (eit kompendium blir delt ut i byrjinga av året)

(Engelsk 1 får alle dikt og korttekstar i fotokopi.)

### **Noveller:**

Willa Cather "A Wagner Matinee" (P) (I)  
William Faulkner "A Rose for Emily" (P) (II)  
James Joyce "The Dead" (NE2) (II)  
Katherine Mansfield "The Daughters of the Late Colonel" (NE2) (I)  
Katherine Anne Porter "The Jilting of Granny Weatherall" (P) (II)  
Alice Walker "Everyday Use" (P or NA2) (I)

### **Anna:**

Rudyard Kipling "How the Whale got his Throat" frå *Just So Stories* (P) (I)  
Thomas Malory Extracts from *Tales of King Arthur* (P) (II)  
Jonathan Swift Extracts from *Gulliver's Travels* (NE1) (II)  
Woolf, Virginia Extracts from *A Room of One's Own* (NE2) (II)

### **Poesi:**

William Blake The Tyger (NE2) (II)  
The Lamb (NE2) (II)  
The Sick Rose (NE2) (II)  
Anne Bradstreet To My Dear and Loving Husband (NA1) (II)  
Elizabeth Barrett Browning *Sonnets from the Portuguese*, 1 and 28 (P) (II)  
Robert Browning My Last Duchess (NE2) (II)  
E.E. Cummings If There Are Any Heavens (NA2) (I)  
Emily Dickinson I Taste a Liquor Never Brewed (NA1) (II)  
The Soul Selects Her Own Society (NA1) (II)  
A Route of Evanescence (NA1) (II)  
John Donne Batter My Heart (NE1) (II)  
The Canonization (NE1) (II)  
A Hymn to God the Father (NE1) (II)  
T.S. Eliot Journey of the Magi (NE2 & NA2) (II)  
Robert Frost Stopping by Woods (NA2) (II)  
Come In (P) (II)  
Allen Ginsberg A Supermarket in California (NA2) (II)  
Seamus Heaney Blackberry Picking (P) (I)  
George Herbert Easter Wings (NE1) (I)  
Gerard Manley Hopkins Spring and Fall (NE2) (I)  
Ted Hughes Full Moon and Little Frieda (P) (I)  
Robert Lowell Concord (P) (II)  
Edwin Morgan Message Clear (P) (I)  
Sylvia Plath You're (P) (I)  
Morning Song (NA2) (I)  
Christina Rossetti A Birthday (NE2) (II)  
William Shakespeare Sonnets: 130, 138 (NE1) (II)  
Percy Bysshe Shelley Ozymandias (NE2) (I)  
Paul Simon American Tune (P) (II)  
Alfred, Lord Tennyson The Lady of Shalott (NE2) (II)  
Dylan Thomas Fern Hill (NE2) (II)  
Walt Whitman Song of Myself, 1 and 2 (NA2) (II)  
William Carlos Williams This Is Just to Say (NA2) (I)  
The Locust Tree in Flower (P) (I)  
Between Walls (P) (I)  
William Wordsworth Upon Westminster Bridge (NE2) (II)  
Surprised by Joy (NE2) (II)  
William Butler Yeats The Lake Isle of Innisfree (NE2) (I)

### **Litteraturhistorie/litteraturkunnskap:**



### **Grunnbøker:**

Grunnfag og engelsk 2 må kjøpe fire store antologiar:

*The Norton Anthology of English Literature*, sixth edition, 1993, vols 1-2.

*The Norton Anthology of American Literature*, fifth edition, 1998, vols 1-2.

Desse har alle naudsynte periode-innleiingar, og forfatarbiografiar for dei fleste forfatarane vi les. For nokre forfatar (t.d. Austen, Brontë, Dickens, Dahl, Lewis, McEwan, Morgan, Montgomery, Potok) blir det delt ut materiale.

For innføring i grunnleggande terminologi skal studentane (på alle einingane) kjøpe enten

M.H. Abrams *A Glossary of Literary Terms*, seventh edition (Harcourt Brace, 1998) (II)

eller

Chris Baldick *The Concise Oxford Dictionary of Literary Terms* (Oxford University Press, 1991) (I).

### **Hjelpebøker:**

Robert Barnard *A Short History of English Literature*, second edition (Universitetsforlaget, 1995)

David Lodge *The Art of Fiction* Penguin Books, 1992

Marie N. Sørbo *From Dante to Dahl, or Out of the Inferno into the Chocolate Factory*, Notat 14/96, Skriftserien ved HVO.

Marie N. Sørbo *Poetry Hurrah! A report from an experiment*. Arbeidsrapport 72/99, Skriftserien ved HVO.

Roger Webster *Studying Literary Theory. An Introduction*. Edward Arnold, 1990.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **HISTORIE**
  - [HISTORIE GRUNNFAG, 60 studiepoeng \(15-studiepoengsmodular\)](#)
    - [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
    - [MÅL](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [INNHALD](#)
    - [A. Obligatoriske emne, grunnfag:](#)
    - [B. Valfrie emne, grunnfag:](#)
  - [HISTORIE MELLOMFAGSMODULAR](#)
    - [MÅLSETJING](#)
    - [OPPTAK OG STARTGRUNNLAG, MELLOMFAGSTILLEGG](#)
    - [KOMPETANSE](#)
    - [UNDERVISNING OG ARBEIDSFORMER](#)
    - [INNHALD](#)
  - [LOKALHISTORIE 30 studiepoeng](#)
    - [MÅLSETJING](#)
    - [OPPTAK - KOMPETANSE](#)
    - [ORGANISERING, UNDERVISNING OG INNHALD](#)
    - [Innhald](#)
  - [HISTORIE STORFAG, 10 VEKTTAL](#)
    - [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
    - [MÅL](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [INNHALD](#)
  - [MASTERGRADSMODULAR](#)
    - [Hi303: Lokalhistorie og nasjonale identitetar, 30 studiepoeng](#)
    - [Hi304: Nasjonale identitetar, 15 studiepoeng](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)

## HISTORIE

### HISTORIE GRUNNFAG, 60 STUDIEPOENG (15-STUDIEPOENGSMODULAR)

Emnet for historiestudiet er utviklinga av menneskelege samfunn. Historie er eit kjernefag i den humanistiske tradisjonen, og historiske emne står sentralt innanfor dei humanistiske faga. Samtidig er historiefaget i nær slekt med samfunnsvitenskapane.

Historiestudiet ved Høgskulen i Volda (HVO) på grunn-nivå består av eit antal 15-studie-poengs-modular. For å få godkjent *historie grunnfag ved HVO* er tre modular obligatoriske, medan det fjerde kan veljast frå eit utval som blir tilbode ved Historisk institutt ved HVO, eller ein kan søkje om at ein 15-studiepoengsmodul (eit 5-vekt-tals-studium) frå eit anna institutt eller avdeling ved HVO eller frå ein annan institusjon blir godkjent som siste modul i grunnfaget.

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Opptak skjer normalt etter ordinær søknadsfrist (samordna opptak) om våren. Studiet startar då i haustsemesteret. Det er også mogleg å søkje om internt opptak før jul, med studiestart i vår-semesteret.

Studiet byggjer på eksamen frå vidaregåande skule, allmennfagleg studieretning, eller tilsvarende kunnskapar, i samsvar med det generelle opptaksreglementet. Søkjarar utan generell studiekompetanse og som er 25 år eller eldre, kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse. Ein del litteratur i pensum er ikkje omsett til nordiske språk, og det er derfor viktig med gode lesekunnskapar i engelsk.

Studiet er godkjent som undervisningsfag i skulen, og som tilleggsutdanning for lærarar i høve til reglane om lønnsopprykk og adjunktkompetanse. Dette gjeld også dei einskilde 15-studie-poengs-modulane.

Studiet høver særst godt som grunnfag, eventuelt som ein eller fleire 15-studiepoengsmodul(ar) i ei cand.mag.- eller bachelorutdanning på høgskulenivå. Studiet er dessutan likeverdig med eit grunnfag på universitetsnivå og kan gå inn som ein del av embetseksamen ved eit universitet. Fullført grunn-fag - her ved høgskulen eller ved ein annan godkjent institusjon - er ein føresetnad for å studere historie mellomfag ved HVO.

Historiestudiet høver òg godt som grunnlag for vidare studium innanfor t. d. media, kultur-administrasjon, bibliotekeneste m. v.

## MÅL

Studiet skal trene studentane i å forstå samanhengar og utvikling over tid, og hjelpe til med å skape ei reflektert haldning til vår eiga samtid. I ei tid med snøgge endringar er det viktig å halde ved like kunnskapane om fortida, fordi historie alltid vil vere eit viktig og nødvendig fundament i notida.

Historiestudiet ved HVO skal vere ein møteplass for studentar som søker eit historisk perspektiv på vårt mangfaldige notidssamfunn.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Instituttet har utvikla eit opplegg der ein betydeleg del av litteratur og pensum blir formidla og utdjupa gjennom internett-baserte s.k. «leksjonar», som erstattar tradisjonelle forelesingar i stor grad. I staden har instituttet lagt opp til arbeidsintensiv oppfølging av den einskilde student gjennom s.k. mappe- eller prosessevaluering frå semesterstart. Denne oppfølgjinga skjer i mindre grupper eller individuelt. Instituttet vil ved semesterstart inngå individuelle studieavtalar (framdriftsplanar) med kvar einskild student.

Undervisninga på studiestaden blir i studieåret 2002-03 organisert i blokker, slik at ein først under-viser i og gjer seg ferdig med modul Hi101 i første del av haustsemesteret 2002, deretter Hi102 i andre del av haustsemesteret, Hi103 i første del av vårsemesteret 2003 og så dei valfrie modulane i siste del av vårsemesteret. Enkelte av dei valfrie modulane kan gå over heile vårsemesteret.

Ein betydeleg del av undervisninga i dei einskilde modulane vil bli gjeve knytt til evaluerings-seminara (sjå nedafor). Det er ikkje obligatorisk fram møte til desse, men studenten vil utan tvil få det beste faglege utbytet av studieåret ved å delta aktivt. Dei studentane som ikkje deltek aktivt i grupper på studiestaden, må utvise tilsvarende aktivitet i gruppe eller individuelt gjennom HVO sitt internettbaserte e-læringsystem (Classfronter).

All undervisning har elles som føresetnad at studentane på førehand set seg inn i det aktuelle temaet i nettleksjonane og lærebøkene, og førebur seg til dei problem-stillingane som blir tekne opp.

Historisk institutt har altså gjennomarbeidd internettstøtte til undervisninga på alle modular utanom storfaget. Det er derfor ein føresetnad for å kunne studere historie i Volda at studenten behersker elementær internettbruk (navigering i nettleser, bruk av diskusjonsforum, opp- og nedlasting av filer). Det blir gjeve innføringskurs i desse teknikkane ved semesterstart, og det blir lagt ut detaljerte rettleingar på nettet.

## INNHALD

Historisk institutt tilbyr i studieåret 2001-2002 desse 15-studiepoengsemna som obligatoriske for dei som vil ta historie grunnfag:

Hi101: Eldre over-synshistorie, norsk og inter-nasjonal (-global) historie til ca 1600.

Hi102: Nyare over-synshistorie, norsk og inter-nasjonal (-global) historie, ca 1600-1900

Hi103: Moderne over-synshistorie, norsk og inter-nasjonal (-global) historie, 1900-talet

Gjennom desse grunnfagsemnane får studentane ei brei innføring i internasjonal og norsk historie frå mellomalderen og fram til i dag. Dei gir også innsikt i historisk tenkjemåte og syner kva historisk kunnskap byggjer på. Metodelære, historiografi og kjeldekunnskap er difor viktige element i studiet, og er innarbeidd i alle emna. Emne Hi103 har i tillegg eit særleg element av historisk metode og kjeldekritikk.

Vidare vil instituttet tilby minst ein, helst 2 eller 3 av desse valfrie 15-studiepoengsemna, som kan nyttast som den siste 15-studiepoengsdelen av grunnfagsstudiet, eller som frie vektal:

Hi104: Innføring i lokalhistorie

Hi105: Amerikansk historie 1861-1941

Hi106: Mediehistorie

## A. Obligatoriske emne, grunnfag:

### ***Hi101: Oversynshistorie frå dei eldste tider til ca 1600, 15 studiepoeng***

Formålet med dette emnet er å gi studentane eit samanhengande oversyn i norsk og internasjonal historie frå tidleg mellomalder i Europa (vikingtida i Noreg) og fram til ca. 1600. Vi legg vekt på korleis den føydale samfunnsordninga voks fram og utvikla seg fram til 1500-talet. Vi vil sjå Noreg i eit komparativt europeisk perspektiv, med særleg vekt på sentrum-periferirelasjonar. Emnet inneheld òg studium av utvalde ikkje-europeiske sivilisasjonar frå tida før den europeiske påverkinga sette inn med full tyngd.

Undervisning: førelesingar og seminar, tilrettelagt med internettstøtte.

Evaluering: prosessevaluering, sjå nedafor.

#### **Pensum:**

Bagge, Sverre: Europa tar form (1986), s. 17-334.

Imsen, Steinar: Europa 1300-1550 (2000), s. 19-113, 132-148, 177-205.

Sigurdsson, Jón Vidar: Norsk historie 800-1300 (1999), s. 9-223.

Ersland, Geir Atle og Hilde Sandvik: Norsk historie 1300-1625. (1999), s. 11-247.

Steensgaard, Niels: Verden på oppdagelsesens tid 1350-1500, Avh. bd. 7 (1984), 12-59, 72-143, 170-209.

Som alternativ til Sigurdsson og delar av Ersland og Sandvik, kan studentane lese:

Moseng, Ole Georg, Erik Opsahl, Gunnar I. Pettersen og Erling Sandmo: Norsk historie 750-1537 (1999).

### ***Hi102: Oversynshistorie frå ca 1600 til ca 1870, 15 studiepoeng***

Formålet med dette emnet er å gi studentane eit samanhengande oversyn i norsk og inter-nasjonal historie frå ca 1600 og fram til ca 1870. Vi legg vekt på å forklare overgangen frå det før-industrielle jordbruksamfunnet til industrisamfunnet både i Noreg og Europa, og betydninga av dei politiske omveltingane i Europa og Nord-Amerika i perioden.

Vi legg òg opp til å sjå Europa i eit globalt perspektiv, og forklare kvifor Europa gjekk frå å vere ein tilbakestående utkant i global samanheng ved inngangen til nytida til at verdsdelen i denne perioden etablerte fullstendig verdshegemoni.

Undervisning: førelesingar og seminar, tilrettelagt med internettstøtte.

Evaluering: prosessevaluering, sjå nedafor.

#### **Pensum:**

Dyrvik, Ståle: Norsk historie 1625-1814 (1999), s. 11-268.

Pryser, Tore: Norsk historie 1814-1860 (1999), s. 11-292.

Palmer, R. R. and Joel Colton: A History of the Modern World (1995), s. 106-264, 326-342, 351-582.

Steensgaard, Niels: Verdensmarked og kulturmøter 1500-1750, Avh. bd. 9 (1985), s. 12-85, 110-119, 148-193, 212-235.

### ***Hi103: Oversynshistorie frå ca 1870 til i dag med historisk metode, 15 studiepoeng***

Formålet med dette emnet er å gi studentane eit samanhengande oversyn i norsk og inter-nasjonal historie frå ca 1870 til i dag. Vi legg vekt på å framstille og å forklare korleis Noreg vart eit industri-samfunn, eit moderne klassesamfunn, eit velstandssamfunn og eit samfunn der ny-liberal-ismen slår igjennom. Det same perspektivet blir lagt på dei andre vestlege samfunna i verda. Brei vekt legg vi òg på dei store revolusjonane i hundreåret, konflikten mellom -ismene, kald-krig problematikken og forholdet mellom industrialiserte land og land i den såkalla tredje verda.

Dette emnet har tillagt ei innføring i historisk arbeidsmåte og metodiske hovudprinsipp innanfor historievitskapen.

Delen omfattar òg ei innføring i kjelde- og arkivkunnskap.

Undervisning: førelesingar og seminar, tilrettelagt med internettstøtte.

Evaluering: prosessevaluering, sjå nedafor.

#### **Pensum:**

Nerbøvik, Jostein: Norsk historie 1860-1914 (1999), s. 11-264.

Furre, Berge: Norsk historie 1914-2000 (2000), s. 19-367.

Palmer, R. R. and Joel Colton: A History of the Modern World (1995), s. 583-706, 717-843, 860-1065.

Werenskjold, R F: «USA i vekst og krise», i Frøland m.fl.: Det 20. århundres historie. Europa, USA og Japan (1997), s. 245-330.

Kjeldstadli, Knut: Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget (1999), s. 13-303.

## B. Valfrie emne, grunnfag:

Eitt eller fleire av desse emna vil bli tilbode kvart semester frå våren 2002. Det vil òg bli utvikla nye emne, som kan kome inn som erstatning for eitt eller fleire av dei emna som er lista nedafor.

### Hi104: Lokalhistorie, 15 studiepoeng

Formålet med dette emnet er å gje studentane ei innføring i norsk lokalhistorie. I den generelle delen legg vi vekt på grunnleggjande metode, historiografi, arkiv-kunnskap og teknikkar for kjelde-innsamling. Fordjupingsdelen konsentrerer seg om historie på individnivå og nivået til dei minste busetnadseiningane (gard, grend, gate), det ein kan kalle småsamfunns- eller småskalahistorie.

Pensum utgjer ca 2 vekttal, og det skal skrivast ei individuell prosjekt-oppgåve som i omfang skal utgjere ca 3 vekttal.

Undervisning: førelesingar og seminar, tilrettelagt med internettstøtte.

Evaluering: individuell prosjektoppgåve, heimeprøve og refleksjonsnotat, sjå nedafor.

#### Pensum:

*Handbok i lokalhistoriearbeid*. Landslaget for lokalhistorie, Trondheim 1999, s. 14-56.

Winge, Harald: «Norsk lokalhistorisk litteratur 1970-1995.» I *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år 1920-1995*. Trondheim 1995, s. 77-94.

Sandnes, Jørn: «Rikshistorie og lokalhistorie. Sentrum og periferi i historieforskningen.» I *Studier i historisk metode 10*. Oslo 1974, s. 159-167.

Winge, Harald: «Historieskrivningens tre faser.» I *Formidling av historie*. Tapir 1987, s. 36-56.

Lunden, Kåre: «Gardshistoria, døden og folkevisedansen. 'Hva bør nyere norsk lokalhistorie handle om?'». I *Heimen 1988*, s. 99-103.

Sandal, Per: *Lokalhistorie*. Landbruksforlaget 1983, s. 10-163.

Sandal, Per: *På leit etter slekta*. Det Norske Samlaget 1991, s. 9-31.

Slettan, Dagfinn: «Muntlig kjeldestoff.» I: Rolf Fladby og Harald Winge (red.): *Lokalsamfunn under omstøping. Den nyeste tids lokalhistorie*. Cappelen 1977, s. 62-81.

Holmsen, Andreas: «Studiet av gården i Norge.» I Andreas Holmsen: *Før bonden ble forretningsmann*. Universitetsforlaget 1982, s. 83-101.

Fladby, Rolf: «Behandlingen av de små enheter i bygdesamfunnet.» I: *Lokalhistorie frå gard til tettsted*. Cappelen 1973, s. 90-98.

Sandal, Per: *Soga om Gloppen og Breim band III*. Gloppen Sparebank 1988, s. 142-149.

Kjelland, Arnfinn: «Heim og ætt for nye generasjonar. Frå gards- til småsamfunnshistorie.» I *Framtid for den lokale historia? Norsk lokalhistorie ved millenniumskiftet. Status og framtidsperspektiv*. Norsk lokalhistorisk institutt og Landslaget for lokalhistorie 2001, s. 97-121.

Kjelland, Arnfinn: «Bosetningshistoria inn i et nytt hundreår. Refleksjoner omkring 'Boka om Land'». I: *Heimen 4/1999*, s. 303-307.

*Arbeidsfolk. Arbeidermiljø i Trondheim omkring 1915*. Arbeidsgruppen for utstillingen «Arbeidsfolk», Trondheim 1981. Flere art., s. 5-25.

Pryser, Tore: «Margit fra 'Nr. 13' - Sosialhistorie fra en arbeiderbygård.» I *Historie nedenfra. festskrift til Edvard Bull på 70-årsdagen*. Univ.forlaget 1984, s. 150-166.

Langholm, Sivert: «Historie på individnivå.» I *Historisk tidsskrift bd 53*, 1974, her etter «Lokalsamfunnet i historia», Samlaget 1977, s. 130-159.

Dyrvik, Ståle: «Demografi og lokalhistorie.» I *Folket, bygda og historia*. Univ. forlaget 1977, s. 18-26.

Slettan, Dagfinn: «Utsiktspunkt 50 år etter Krokann. Perspektiver på 100 års hamskifte.» I *Bonde-samfunn i oppløsning?. Trønderske bondesamfunn 1930-1980*. Lesja 1989, s. 9-26.

### Hi105: Amerikansk historie 1861-1941, 15 studiepoeng

Formålet med emnet er å gi innsikt i korleis USA vaks fram som ei moderne økonomisk og industriell stormakt.

Emnet er knytt til fleire tyngdepunkt: Forsøket på å få politisk styring over dei økonomiske kreftene, framveksten og betydninga av viktige politiske rørsler som populismen, progressivismen og New Deal og den store depresjonen 1929-33. Dei følgjane framveksten av USA som stormakt hadde for tilhøvet til resten av verda blir òg behandla.

Undervisning: førelesingar og seminar, tilrettelagt med internettstøtte.

Evaluering: prosessevaluering, sjå nedafor.

#### Pensum:

Samuel Eliot Morison, Henry Steel Commager, William E. Leuchtenburg: *A Concise History of the American Republic*. 2. ed. (1983), s. 321-631.

Jonathan Hughes: American Economic History. 3. ed. (1990), s. 245-517.

Michael Hunt: Ideology and U.S. Foreign Policy (1987), s. 1-198.

William E. Leuchtenburg: The Perils of Prosperity 1914-32. (1958), s. 1-273.

Hofstadter, Richard (ed.): Great Issues in American History. From Reconstruction to the present Day, 1864-1969, (1969), s. 241-381.

### **Hi106: Mediehistorie, 15 studiepoeng**

Emnet tek sikte på å gje ei innføring i utviklinga av den moderne medieverda frå renessansen til vår eigen tid, men hvor hovedvekta blir lagd på perioden 1800 -2000, altså dei to siste hundreåra. I denne hovedperioden er det viktig å syne korleis den moderne pressa voks fram som ein integrert del av nasjonsbygginga og framvoksteren av eit demokratisk og sivilt samfunn. Mot slutten av perioden kjem utbreiinga av radio og TV som ein avgjerande del av det moderne massedemokratiet, som i sin tur endrar føresetnadane for det same demokratiet og det sivile samfunnet i det heile.

Emnet er knytta til både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale samanhengar og samverknader. Det er ei målsetning at studenten gjennom emnet skal bli i stand til å forstå dei historiske føresetnadane for dagens moderne mediasamfunn og medias rolle i samfunnet meir generelt. Undervisning: førelesingar og seminar, tilrettelagt med internettstøtte.

Evaluering: prosessevaluering, sjå nedafor.

### **Pensum:**

#### **Grunnbøker:**

Briggs, Asa and Burke, Peter, A social history of the media. From Gutenberg to the internet. Polity Press, Cambridge 2002. 303 s.

Dahl, Hans Fredrik: Introduksjon til mediehistorien, IMK 2001. (110 sider kompendium.)

Høyer, Svennik. Pressen mellom Teknologi og samfunn. Norske og internasjonale perspektiver på pressehistorien fra Gutenberg til vår tid. Universitetforlaget 1995. Side 92-388.

Utvalg fra Bastiansen, Henrik G. Og Øistein Meland: Fra Eidsvoll til Marienlyst, studier i norske mediers historie fra Grunnloven til TV-alderen. Høgskoleforlaget 2001:

a. Odd Raaum, Pressefrihetens røtter og første nyttevekster, s. 10-33.

b. Martin Eide, "Til fremme av de store formål i en stor tid". Anslag om journalistikkens moderne gjennombrudd, s. 49-58.

c. Hans Fredrik Dahl, Da pressen ble kledd av. Avisene under okkupasjonen 1940-1945, s. 92-101.

d. Gunn Enli, "Tromsø inn i TV-alderen". Nærbilde av et tidsskille, s. 240-256.

e. Henrik Bastiansen, Kampen om TV-opinionen: Partipressen og NRK-fjernsynet, s. 257-279.

Halse, Ketil Jarl i Radiojournalistikk mellom teknikk og politikk. Dei første radioåra. Høgskulen i Volda, arbeidsrapport nr. 61, Volda 1998, s. 1-60.

Øye, Olav-Johan 1991 (1993): Ei lokalavis i utvikling. Lokalavisjournalstikk i Firda gjennom 40 år. Publikasjon nr. 45, Møre og Romsdal DH, Volda. (100 sider.)

#### **Kompendium:**

Barnouw, Erik and Wilson P. Dizard, Thomas Guback, Television History, i International Encyclopedia of Communications, Oxford University Press, New York 1989, s. 216-217.

Eide, Martin, "Provinsredaktøren", i Den redigerende makt. Redaktørrollens norske historie. Høgskoleforlaget, Oslo 2000.

Fet, Jostein: "Sivert Aarflot og Norsk Landboeblad 1810-1816." Tidsskrift for Sunnmøre historielag, 1984, s. 16-35.

Høst, Sigurd, "Ekspansjonen for norske fådagsaviser. Eksempelet Sunnmøre" i Karl Erik Gustafsson (red.): Lokal mediestructur och utveckling, Skrift från symposium 1990, Göteborgs Universitet, Göteborg.

Kornhauser, William: "Mass Society", i International Encyclopaedia of the Social Sciences, The MaxMillian Company and The Free Press, USA 1968. (5 sider.)

Sande, Øystein: "Framveksten av norsk presse", i Norsk litteraturhistorie, Saksprosa fra 1750 til 1995, bind 1. Universitetsforlaget, Oslo 1998, s. 118-127.

Østbye, Helge: "The Norwegian Media System in the 1990's. Internationalization, Concentration and Commercialization", i Ulla Carlsson og Eva Harrie, Media Trends 1997 in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden, Nordicom Göteborg University 1997, s. 67-85.

## **HISTORIE MELLOMFAGSMODULAR**

## MÅLSETJING

Mellomfagsmodulane skal primært vere ei påbygging til grunnfaget. I forhold til grunnfaget skal mellomfagsmodulane gå djupare inn på meir avgrensa emne og tema. Samtidig skal dei vere allsidige, med vekt på ulike delar av faget: politisk historie, sosial- og økonomisk historie og med sterkare innslag av internasjonal historie. Mellomfagsmodulane skal leggje grunnlag for vidare studium i faget. Det skal utvikle ei sjølv-stendig haldning til historiske problem, m.a. gjennom teori, kjeldestudium og arbeid med skriftlege oppgåver.

## OPPTAK OG STARTGRUNNLAG, MELLOMFAGSTILLEGG

For å få godkjent historie mellomfagstillegg i studieåret 2002-03 må studentane ta to modular på til saman 30 studiepoeng. Modulane Hi201-Hi203 føreset at studentane førehand har teke eksamen i historie grunnfag med 3,2 eller betre i karakter. Modulane Hi204-Hi205 føreset at studentane enten har teke eksamen i historie grunnfag, eller har anna relevant utdanning eller praksis som kan danne grunnlag for opptak (sjå omtale under "Lokalhistorie").

## KOMPETANSE

Eksamen frå grunnfag og mellomfagstillegg kan gå inn som del av ein cand.mag.-grad, og skal etter vanlege reglar gi grunnlag for opptak til historie hovudfag ved universiteta.

Grunnfag og mellomfagstillegg gir fagkompetanse for å undervise i faget på alle steg i skuleverket.

## UNDERVISNING OG ARBEIDSFORMER

Litteratur og pensum blir formidla på same måte som grunnfagsmodulane. Når pedagogiske omsyn tilseier det, kan seksjonen fastsetje eit maksimalt studenttal for den einskilde seminar-gruppa. For å arbeide godt er seminargruppene avhengige av eit jamt godt frammøte.

Mellomfagsmodulane kan også høve som sjølvstudium eller deltidsstudium. Opplegg og gjennom-føring skjer då i samarbeid med seksjonen, t.d. over ein periode på eitt år.

## INNHALD

Historisk institutt tilbyr i studieåret 2001-2002 desse 15-studiepoengsmodulane som mellomfags-tillegg:

Hi201: Globalhistorie. Europa, vesten og verden

Hi202: Økonomiske og sosiale kontrastar i førindustrielle samfunn, med vekt på norskekysten

Hi203: 1968-historie. 1968 i eit internasjonalt komparativt perspektiv, med vekt på protestar og alternative kulturelle og politiske rørsler

Som særskilt studium på mellomfagsnivå tilbyr vi følgjande modular:

Hi204: Lokalhistorie, teoripensum

Hi205: Lokalhistorie, semesteroppgåve

Modul Hi204 kan nyttast i kombinasjon med Hi201-Hi203 som eit ordinært mellomfagstillegg i historie.

### ***Hi201: Globalhistorie. Europa, vesten og verden, 15 studiepoeng***

I ei tid med aukande internasjonalt samkvem er det viktig å formidle forståing for samfunnssystem og historiske utviklingsprosessar i ulike delar av verda - og for *relasjonene* mellom ulike sivilisasjonar og regionar. Emnet vil konsentrere seg om komparative studier av sivilisasjonar og av «det europeiske mirakel»: «Europa var i utgangspunktet et primitivt, lite interessant og underutviklet hjørne av verden som stadig var utsatt for herjinger fra mektige naboer. Gradvis ble Europa omformet til et dynamisk, utviklet og skapende samfunn med et politisk, kulturelt og økonomisk hegemoni over resten av verden.» (Carlo Cipolla) Kvifor dette skjedde vil vere den sentrale problemstillinga i emnet, som tar for seg tida frå 1400-talet og fram til i dag.

Studentane skal få innsikt i Europas og vestens rolle som globalhistorisk drivkraft, og i dei ikkje-vestlege samfunna sine reaksjonar mot den vestlege dominansen. Ei drøfting av teoriar om *interne* og *eksterne* årsaksfaktorer bak økonomisk utvikling/underutvikling vil bli spesielt vektlagt. Ikkje berre økonomiske, men også sosiokulturelle og religiøse faktorar vil bli dregne inn som mulege forklaringsfaktorar.

### **Pensum:**

#### **Grunnbøker:**

Landes, David: *Wealth and Poverty of Nations. Why Some Are So Rich and Some So Poor*. London 1998. (566 s.)

Ponting, Clive: *World History. A New Perspective*. London 2001 (utdrag).

#### **Kompendium:**

Bourdieu, Pierre: Myten om "globalisering" og den europeiske velferdsstat. I: Yves Boutroue & Vegard Velle (red.):

*En annen verden er mulig* s. 58-73. Oslo 2001.

Braudel, Fernand: *Kapitalismens dynamikk*. Oslo 1986 [1985]. (97 s.)

Braudel, Fernand: *The Industrial Revolution in Britain, sector by sector. I: Civilization and Capitalism 15<sup>th</sup>-18<sup>th</sup> Century, Volume 3: Perspective of the World* s. 556-88. London 1984 [1979].

Cipolla, Carlo: *Befolkning og økonomi gjennom 10 000 år*, s. 59-84. Oslo 1971.

Cipolla, Carlo: *Det førindustrielle Europa. Økonomi og samfunn 1000-1700* s. 182-240. U.forl. 1982 [1974].

Eriksen, Tore Linné: Globalisering: Vinnere og tapere. I: Boutroue & Velle (red.): *op.cit.* s. 87-107.

Fuglestad, Finn: Vesten og verden. Noen betraktninger omkring en del nyere globalhistoriske emner. I: *Historisk tidsskrift* 3/1983 s. 307-19.

Fuglestad, Finn: Vesten og verden 1350-1750 (bokmelding). I: *Historisk tidsskrift* 2/1986 s. 235-44.

Hesselberg, Jan: *Fattigdom og utviklingsstrategier*. Universitetet i Oslo 1966. (25 s.).

Harris, Marvin: Den hydrauliske klemme. I: *Kanibaler og konger* s. 174-97. Oslo 1980 [1977].

Henne, Henry: Kina- riket i midten. I: *Alt innenfor de fire hav ... Streiftog i kinesisk historie og kultur* s. 44-80. U.forl. 1978.

Lundestad, Geir: Økonomiske forbindelser nord-sør 1945-2000. I: *Øst, vest, nord, sør. Hovedlinjer i internasjonal politikk 1945-2000* s. 265-92 ( Oslo 2001).

Mejdell, Gunvor: Islams syn på Europa i moderne perspektiv. I: Lars Martin Fosse (red.): *Gobelin Europa. Søkelys på europeisk kultur* s. 269-78. Oslo 1996.

Nedkvitne, Arnved: Globalhistoriske problemstillinger. I: *Historisk tidsskrift* 2/1985 s. 183-95.

Simensen, Jarle: Immanuel Wallerstein: Det moderne verdenssystem (bokmelding). I: *Historisk tidsskrift* 2/1978 s. 188-196.

Østerud, Øyvind: Mot en global økonomi? og Global kultur - global landsby?: I: *Globaliseringen og nasjonalstaten* s. 17-36, 60-88. Oslo 1999.

Pensumlista vil bli justert ved semesterstart.

### **Hi202: Økonomiske og sosiale kontraster i førindustrielle samfunn, med vekt på norskekysten. 15 studiepoeng**

Føremålet med emnet er å framheve mangfoldet i det norske samfunnet i førindustriell tid. Dette skal skje ved å samanlikne ulike område. Vekta vil her liggje på:

- a) Skilnader mellom kysten og områda lenger inne.
- b) Skilnader mellom ulike delar av kysten.
- c) Skilnader i høve til kystregionar i nokre andre europeiske land.

Det viktigaste er likevel ikkje å kartleggje slike skilnader, men å prøve å finne meir grunn-leggjande årsaker til at slike skilnader har oppstått. Hovudvekta vil liggje på det økonomiske, men i tillegg legg vi også vekt på sosiale tilhøve og mentalitetar. Emnet spenner i tid frå 1600-talet og fram til slutten av 1800-talet. For å få fram samanlikningar er grunnstammen i litteraturen avhandlingar og bøker som omhandlar heile distrikt.

#### **Pensum:**

Knut Kjeldstadli: Nyten av å sammenlikne, *Tidsskrift for samfunnsforskning* 1988 s. 435-448.

Ståle Dyrvik: Komparasjon på regionnivå. I Byrkjeland og Engesæter (red.): *Kvar i sin dal. Komparasjon som metode i lokalhistoriske studier* (1989) s. 55-60.

Atle Døssland: Komparasjon i fylkeshistorie. *Smst.* S. 61-71.

Arnved Nedkvitne, *Mens Bønderne seilte og Jægterne for*. Nordnorsk og vest-norsk kystøkonomi 1500-1730, 1988, s. 23-44, 197-341, 375-549, 589-598.

Atle Døssland, *Med lengt mot havet*. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal, bd. I 1671-1835, 1990, s. 82-132, 146-170, 248-285, 328-484, 505-509.

Anna Tranberg og Knut Sprauten (red.): *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*, 1996, s. 7-10, 13-30, 64-81, 96-168.

Eilert Sundt: *Harham. Et eksempel fra fiskeridistriktene*. (1858-59) ny utgåve 1971 med innleiing av Stein Ugelvik Larsen, s. 49-160.

Arnved Nedkvitne, «Mentalitetshistorie - en historiografisk blindgate?» *Historisk tidsskrift* 1/1991, særleg s. 66-68. Åsa Elstad, «Mentalitet og økonomi - Nord-Norge 1750-1950», *Historisk tidsskrift* 4/1991, s. 586-603.

Håvard Dahl Bratrein, «Kystkultur og kystsamfunn i Nord-Norge», *Heimen* 4/1992, s. 217-226.

Atle Døssland, «Ein sams kultur på Mørkekysten i førindustriell tid?», *Heimen* 4/1992, s. 227-235.

Kjell J. Bråstad, «Norsk kystkultur - en kultur? Skagerakkysten», *Heimen* 4/1992, s. 236-242.

Arnljot Løseth, «Næringskombinasjonen jordbruk-fiske i Herøy på 1800-talet», *Folk og Fortid*, *Tidsskrift for Herøy Sogelag* 1988, s. 64-73.

Arnljot Løseth, «Nordvestlandet - egalitært eller stratifisert?» i: L. Marthinsen og H. Winge (red. ), *Bygdesamfunnet - en sammensatt helhet*, 1991, s. 149-166.



Eliassen, Finn Einar: Port towns, privileges, and changing fortunes. Mandal and its hinterland c. 1650-1850. Eliassen, Mikkelsen og Poulsen red.): Regional integration in early modern Scandinavia (Odense 2001), s. 232-246.

Døssland, Atle: In the shadow of the town. Counter-culture and market economy in Northern and Middel Hordaland in the eighteenth century. Smst s. 247-262.

Peter Henningsen: Civilizing the wilderness. The social and agricultural transformation of West Jutland, 1750-1850. Smst. s. 263-286.

### **Hi203: 1968-historie. 1968 i eit internasjonalt komparativt perspektiv, med vekt på protestar og alternative kulturelle og politiske rørsler, 15 studiepoeng**

1968 vart eit år prega av opp-løys-ing, indre konflikhtar, valdelege opptøyar og ei intens mot-set-ning mellom generasjonane verda rundt. Dei største motsetningane fann ein i USA, men også dei fleste vestlege landa opplevde mange av dei same konflikthane og etterdønningane. I dei kommunistiske landa og den tredje verda fekk studenturo og oppstand både kort-siktige og langsiktige verknader. Emnet tek sikte på å forklare nokre av dei globale samanhengene som leier fram til året 1968, med etterkrigssamfunnet og den kalde krigen som ein del av bakteppet. Emnet fokuserar både på globale fellestrekk og på spesielle nasjonale føresetnader for dei omfattende opprøra. Det vil bli brukt skjønnlitteratur, film og musikk frå perioden. Det blir lagt spesiell vekt på pressen og medias rolle i opprøret. Mål-setninga for studiet er at studenten skal få ei grunnleggande forståing av ein av dei viktige kulturelle og politiske transformasjonsprosessane under den kalde krigen.

#### **Pensum:**

Carole Fink, 1968: The World Transformed. Cambridge 1998. 458 sider.

Barbara L. Tischler (ed), Sights on the Sixties. Rutgers University Press.1992. 231 sider

D.L. Hanley and A.P. Kerr, May '68 Coming of Age. London 1989.(Kap. 1, 2, 4 og 14. i eige kompendium) 51 sider.

Tor Egil Førland, Club 7, Oslo 1998. (219 sider)

Paal Nupen og Gaute Losnegård, del III 1960-1965, Et samfunn for studenter (s. 58-71) og del IV 1966-1970, Politisk kamp (s. 72-88) , i Ordet er fritt! Studentersamfunnet i Bergen 1934-1999. Bergen 1999.

#### **Teoripensum (i kompendium)**

Alan K. Henrikson, «Mental Maps», s. 177-192.

Michael H. Hunt, «Ideology», s. 193-202 .

Akira Iriye, «Culture and International History», s. 214-225.

Samtlige artikler er hentet fra Michael J. Hogan and Thomas G. Paterson, *Explaining the History of American Foreign Relations*, Cambridge University Press 1992.

Konrad H. Jarausch, 1968 and 1989. Caesuras, Comparisons, and Connections, i Carole Fink, 1968, s. 461-477.

Pensumlista vil bli justert før semesterstart.

## **LOKALHISTORIE 30 STUDIEPOENG**

### **MÅLSETJING**

Studiet tek sikte på å gje studentane ei brei innføring i lokalhistoria i Noreg, med tillegg av nokre sentrale tema for fordjuping (sjå under pensum nedafor). Det blir lagt vekt på å utvikle studentane sine evner til sjølvstendig arbeid med lokalhistoriske emne.

### **OPPTAK - KOMPETANSE**

Dei to modulane som inngår i studiet er på mellomfagsnivå. Opptakskravet er fullført grunnfag i historie, men ein kan søkje opptak også på grunnlag av anna relevant utdanning, praksis, røynsle frå lokalhistorisk arbeid i historielag o.l. Andre fag, t.d. samfunns-kunnskap, nordisk, fullført dei tre første åra i allmennlærerutdanninga, kan òg danne grunnlag for opptak. Søkjarar utan historie grunnfag blir tekne opp etter ei særskild vurdering. For søkjarar som ikkje har historie grunnfag frå før er det eit særpensum, sjå nedafor.

## **ORGANISERING, UNDERVISNING OG INNHOLD**

### **Innhald**

Studiet er samansett av to 15-studiepoengsmodular, Hi204 og Hi205, og begge desse må vere fullført før det blir skrive ut vitnemål. Hi204 er ein felles pensumdel som skal utgjere eine halvparten av arbeids-belastinga, medan

Hi205 er ei obligatorisk semesteroppgåve som utgjer andre halvparten. Hi204-modulane kan òg takast frittstående som ein vanleg mellomfagsmodul, evt. i kombinasjon med ein annan mellomfagsmodul for å få fullt mellomfagstillegg. Hi205 kan berre takast same semester som, eller seinare enn, Hi204.

### **Hi204: Lokalhistorie, teoripensum, 15 studiepoeng**

Fellespensumdelen utgjer ca 1400 sider, og er delt i nokre særskilte emnebolkar. Først kjem ein innføringsbolk, der det blir lagt vekt på generelle sider av lokalhistoria, inklusive ein del teori, metodiske prinsipp og arbeidsmåtar, med vekt på trendane i dei siste 25 åra. Derneft blir dei einskilde emnebolkanne (sjå pensumlista) gjennomgått. Desse bolkanne kan nyttast som utgangs-punkt for val av semester-oppgåvetema (men også andre tema kan vere aktuelle, i samråd med faglærar).

### **Undervisning/organisering**

Fellespensumdelen blir gjennomgått i internettbaserte «leksjonar». Leksjonane blir utlagde etter ein fast plan, og blir liggjande til-gjenge--lege for påmeldte studentar til eksamen er avlagt. I haust-semesteret blir det på lærestaden arrangert seminar knytt til problem-stillingar som blir drøfta i kvar leksjon for studentar som har høve til å delta. Det blir høve til å ta opp desse eller andre problem-stillingar og tema i elektroniske diskusjonsfora knytt til studiets vev-sider, og/eller i form av e-post til faglærar(ar). Det blir ikkje gjeve tradi-sjonelle førelesingar. Evaluering: sjå nedafor.

### **Pensum:**

Forklaring: Til venstre for kvar pensumartikkel står ein kode (B, K eller I). Dei tyder at artikkelen (tilsv.) anten er å finne i ei bok (B), i eit kompendium (K) eller i fulltekst på Internett (I). Ein del av litteraturen i bolk 2 er frå større bygdebøker, som ein bør låne inn gjennom eit bibliotek og evt. kopiere sjølv. Desse er merka B\*.

### **Emnebolk 1. Innføring**

- B Sandnes, Jørn: *Håndbok i lokalhistorie* Universitetsforlaget 1983.124 s.
- B Braut, Else (red.): *Blikk på lokalhistorie*. Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo 1997. 109 s.
- K Rian, Øystein: «Regionens rolle i historien.» I: *Heimen* 4/1997: 283-288.
- K Kjeldstadli Knut: «Komparasjon og byhistorie», I: *Heimen* 1/1992: 27-34.
- K Dyrvik Ståle: «Komparasjon på regionnivå», I: *Kvar i sin dal ...? Komparasjon som metode i lokalhistoriske studier*. 1989 s. 55-60.
- K Stugu, Ola Svein: «Lokalhistorie og den nasjonale identiteten.» I: Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu (red.): *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale*. Norges Forskningsråd, Oslo 1997: 129-154.
- K Slettan, Dagfinn: «Muntlig kjeldestoff.» I: Rolf Fladby og Harald Winge (red.): *Lokalsamfunn under omstøping. Den nyeste tids lokalhistorie* Cappelen 1977: 62-81.
- K Kirkhusmo, Anders: «Problemet periodisering i etterkrigstidas lokalhistorie.» I: *Heimen* 1/1997: 3-10.
- K Bratrein, Håvard Dahl: «Samtidshistorikeren som deltaker i historia.» I: *Heimen* 1/1997: 33-38.
- K Niemi, Einar: «Syntese i lokalhistorien.» I Liv Marthinsen og Harald Winge (red.): *Syntese i historieskrivningen*. HIFO, Oslo 1992: 53-60.

### **Emnebolk 2. Garden og ætta**

- K Holmsen, Andreas: «Studiet av gården i Norge.» I: Andreas Holmsen: *Før bonden ble forretningsmann*. Universitetsforlaget 1982: 83-101.
- K Fladby, Rolf: Behandlingen av de små enheter i bygdesamfunnet. I: *Lokalhistorie frå gard til tettsted*. Cappelen 1973, s. 90-98.
- K «I søkelyset. Gards- og slektshistorie.» I: *Heimen* 4/1985: 177-191.
- B\* Kjelland, Arnfinn: *Bygdebok for Lesja bd. 1. Gards- og slektshistorie for Lesjaskogen*. Lesja kommune 1987: 9-52.
- B\* Sandal, Per: *Soga om Gloppen og Breim band III*. Gloppen Sparebank 1988: 142-149.
- B\* Ødegaard, Svein-Erik: *Boka om Land VIII. Nordsinni. Grend - bosted - familie*. Nordre Land kommune 1997: 87-120.

- I Kjelland, Arnfinn: «*Nye Volda-soga*». *Dalsfjord- og Volda-soga (gards- og ættesoga) i ny utgåve*. Forprosjekt-rapport. Snøhetta forlag a.s/Høgskulen i Volda, 16. september 1999. 18 s. Utlagt i fulltekst på [http://www.hivolda.no/ahf/historie/Nye\\_Voldasoga.html](http://www.hivolda.no/ahf/historie/Nye_Voldasoga.html).
- I Kjelland Arnfinn: «Bosetningshistoria inn i et nytt hundreår. Refleksjoner omkring 'Boka om Land'». I: *Heimen* 4/1999: 303-307. Utlagt i fulltekst på <http://www.hivolda.no/ahf/historie/heimen/Bosetningshistorie.html>
- I Kjelland, Arnfinn: «Heim og ætt for nye generasjonar. Frå gards- til småsamfunnshistorie». I *Framtid for den lokale historia? Norsk lokalhistorie ved millenniumsskiftet. Status og framtidsperspektiv*. Norsk lokalhistorisk institutt og Landslaget for lokalhistorie 2001, s. 97-121. Utlagt i fulltekst på: <http://www.lokalhistorie.no/Seminar/kjelland.html>
- K Dyrvik, Ståle: «Demografi og slektshistorie.» I: Harald Winge (red.): *Slekt og lokal-samfunn*. Norsk lokalhistorisk institutt 1998: 148-59.

### **Emnebolk 3. Sosiale grupper i bygdesamfunnet**

- K Hovdhaugen, Einar: *Husmannstida*. Det Norske Samlaget 1975: 42-66.
- K Dyrvik, Ståle: «Husmannsvesenet i Norge - regionale mønster.» I: *Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid*. Odense 1988: 93-105.
- K Dyrvik, Ståle: «Husmannsvesenet i Noreg.» I: *Jord og gjerning. Årbok for norsk land-bruks-museum* 1990: 51-61.
- K Døssland, Atle: «Husmannsvesenet på Sunnmøre.» I: *Tidsskrift for Sunnmøre historielag* 1998: s. 27-35.
- K Løseth, Arnljot: «Fiskeri, bonde og husmann på Romsdalskysten.» I: *Heimen* 1/1987 s. 27-34.
- K Helland-Hansen, Kjeld: «Kårskipnaden.» I: *Heimen* 4/1964, s. 182-195.
- K Sølvi Sogner: «Ut å tjene». I: Kjeldstadli, Myhre og Pryser (red.): *Valg og vitenskap. Festskrift til Sivert Langholm*. 1997, s. 244-256.
- K Gjerdåker, Brynjulv: «Om tenarar i Lofoten 1754-1818.» I: *Heimen* 4/1977: 469-483.
- K Dørum, Knut: «Fattigdommen på landsbygda på 1700-tallet.» I: *Heimen* 2/1995: 73-83.
- B Hosar, Hans: «Klasse, grend og kjønn? Danning av delkulturar blant bygdefolket i Skjåk 1800-1940.» I: Liv Marthinsen og Harald Winge (red.): *Bygdesamfunnet - en sammensatt helhet*. Norsk lokalhistorisk institutt 1991: 71-133.
- B Løseth, Arnljot: «Nordvestlandet - egalitært eller stratifisert?» I: Liv Marthinsen og Harald Winge (red.): *Bygdesamfunnet - en sammensatt helhet*. Norsk lokalhistorisk institutt 1991: 149-166.
- K Try, Hans: «Sosiale holdningsendringar i norske bygdesamfunn på 1800-talet.» I: Edgard Hovland (red.): *Folket, bygda og historia*. Universitetsforlaget 1977: 39-52.

### **Emnebolk 4. Regionale økonomiar**

- K Tveite, Stein: «Lokale og regionale særdrag i indre norsk historie.» I: Edgard Hovland (red.): *Folket, bygda og historia*. Universitetsforlaget 1977: 27-38.
- B Tranberg, Anna og Knut Sprauten (red.): *Norsk bondeøkonomi 1650-1850*. Det Norske Samlaget 1996: 7-46, 64-81, 96-168.
- K Tranberg, Anna: «Markedsorienterte bondenæringer i Norge på 1700-tallet.» I: *Bol og by. Landbohøistidsskrift* 1997/2: 106-127.
- K Wicken Olav: «Norsk fiskeriteknologi - politiske mål i møte med regionale kulturer.» *STEP rapport* nr. 17, 1994. 1995.
- K Wicken, Olav: «Regionenes industrialisering - et historisk perspektiv.» I: Arne Isaksen (red.): *Innovasjoner, næringsutvikling og regionalpolitikk*. Høyskoleforlaget 1997: 80-111.
- K Johansen, Karl Egil: «Ein sjølveigande og egalitær norsk fiskarstand? Eigeidomstilhøva i dei nord-norske og vest-norske fiskeria.» I: *Heimen* 4/1996: 301-310.
- K Christensen, Pål og Bjørn-Petter Finstad: «Regionale forskjeller mellom nord og vest i norske fiskerier. En kritisk kommentar til Karl Egil Johansen.» I: *Heimen* 2/1998: 123-132.

- K Johansen, Karl Egil: «Ulikskapar i dei nordnorske og vestnorske fiskeria». I: *Heimen* 4/1998: 303-308.

### **Emnebolk 5. Organisasjonar i lokalsamfunnet**

- B Try, Hans: *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge. Forskingsoversyn og perspektiv* Alvheim & Eide, 1985.
- K Ropeid, Andreas: «Organisasjonane og lokalsamfunnet.» I: Rolf Fladby og Steinar Imsen (red.): *Lokalhistorie fra gard til tettsted*. Cappelen 1974: 70-89.
- K Døssland, Atle: «Organisert lekmannsrørslé i Kvinnherad ca. 1890-1945.» I: *Sunnhordland årbok* 1977: 7-29.
- B Tvinnereim, Jon: *Ei folkerørslé blir til. Den frilynde ungdomsrørslé på Nordvestlandet*. Det Norske Samlaget 1981: 38-145.
- K Winge, Harald: «Idretten i lokalhistorien.» I: *Heimen* 1/1996: 3-9.
- K Niemi, Einar: «Idrett og politikk i nord. Arbeidernes Idrettsforbund - et regionalt eksempel.» I: *Heimen* 1/1996: 11-24.
- K Bering, Bjørn: «Arkivene etter lokale lag og organisasjonar.» I: *Heimen* 3/1989: 165-174.

### **Emnebolk 6. Lokalhistorie i byar og tettstader**

- K Myhre, Jan Eivind: «Moderne byhistorie. Noen perspektiver.» I: *Heimen* 3/1987: 130-138.
- K Eliassen, Finn-Einar: «Norske byer, 1500-1800: Identifikasjon, avgrensning, funksjonar.» I: *Heimen* 3/1987: 139-151.
- K Rogder, Richard: «Theory, practise and European urban history». I: Richard Rodger (ed.): *European urban history. Prospect and Retrospect*. London 1993: 1-18.
- K Myhre, Jan Eivind: «The Nordic Countries». I: Richard Rodger (ed.): *European urban history. Prospect and Retrospect*. London 1993: 171-190.
- K Stugu, Ola Svein: «Den tverrfaglige byhistoria.» i *Heimen* 1/1997:11-22.
- B Sjøholt, Peter: «Stasjonsbyen.» I: *Bygdesamfunnet - en sammensatt helhet*. Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo 1991: 167-182.

Pensumlista kan bli justert før semesterstart.

### **Særpensumkrav for dei som ikkje har historie grunnfag:**

Danielsen, Rolf m.fl. (red.): *Grunntrekk i norsk historie fra vikingtid til våre dager*. Universitets-forlaget 1991. 366 s.

Med dette meiner at ein forventar - m.a. i undervisninga, i arbeidet med semesteroppgåva og ved evalueringa - at studentane innafor denne varianten skal ha generelle kunnskapar i allmenn norsk historie tilsvarande inn-haldet i denne boka. Semesteroppgåva skal knytast til generelle problem-stillingar i norsk historie - t.d. hamskiftet i bonde-samfunnet, urbaniseringa, o.a. - innafor ramma av denne boka.

### **Hi205: Lokalhistorie, semesteroppgåve, 15 studiepoeng**

Semesteroppgåva skal vere på 20-30 maskinskrivne A4-sider, lineavstand 1,5. Oppgåva skal fylle formelle reglar til utforming (litteraturtilvisingar/noteapparat, innleiing, konklusjon m.v.) som blir gjevne i eigen instruks. Tema og problem-stilling skal godkjennast av faglærar, og arbeidet skal til ein viss grad byggje på primærkjelder. Til semester-oppgåva skal kvar student sjølv setje saman eit pensum på 300 sider i samsvar med den studievarianten ein vel å gå opp i.

Det er høve til å leggje fram oppgåva som vev-presentasjon (på «world wide web») etter nærare avtale med faglærar.

Heiltidsstudentar kan skrive semesteroppgåva same semester som fellespensumdelen blir gjennom-gått, levere denne til vurdering innafor gjeven frist og dermed fullføre studiet på eitt semester. Deltids-studentar kan - etter avtale med faglærar - levere oppgåva på eit seinare tidspunkt, fortrinnsvis påfølgjande semester, jfr. om eksamen nedafor.

### **Særkrav til semesteroppgåva, fagdidaktikk**

Den som vil nytte studiet som halvårseining i lærarutdanninga skal leggje inn ein fagdidaktisk del i semesteroppgåva,

gjerner i form av metodisk/didaktisk drøfting, og den sjølvvalde litteraturen skal innehalde fagdidaktisk stoff. Evaluering: sjå nedafor.

## **HISTORIE STORFAG, 10 VEKTTAL**

Historie storfag er ei påbygging til historie mellomfag (90 studiepoeng) og utgjer 30 studiepoeng. Storfaget er også tverrfagleg/tverrvitskapleg, og det obligatoriske teoripensumet på 15 studiepoeng vil innehalde arbeid av ikkje berre historikarar, men også av sosialantropologar, sosiologar, statsvitarar og nordistar.

## **OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE**

For å få godkjent historie storfag i studieåret 2002-03 må studentane fullføre dei to storfags-modulane på til saman 30 studiepoeng. Modulane føreset at studentane førehand har fullført eksamen i historie mellomfag. For å vere kvalifiserte må søkjarane ha oppnådd 3,0 eller betre som samla mellomfagskarakter.

Det maksimale talet på studentar vil bli sett til 10.

## **MÅL**

Studentane skal vidareutvikle ei sjølvstendig haldning til historiske problem, vinne eit djupare innsyn i faget og dessutan få øving i vitskapleg arbeidsmåte.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Gjennomgang av litteratur og pensum blir formidla og utdjupa gjennom forelesingar og seminar gjennom eitt semester.

Storfaget kan også høve som sjølvstudium og deltidsstudium. Opplegget må då skje i samarbeid med lærarane ved Historisk institutt.

Evaluering: sjå nedafor.

## **INNHALD**

Historie storfag vil knyte seg opp til knutepunktet nynorsk skriftkultur som har blitt tildelt Ivar Aasen-instituttet og Høgskulen i Volda. Nasjons- og nasjonalstatsproblematikken, regionale og lokale identitetar i Europa og Norden og forholdet mellom majoritets- og minoritetskulturar (spesielt i Nord-Skandinavia), vil stå sentralt. Ingen kultur eller region lever i isolat. Derfor vil det også bli lagt vekt på diffusjonsproblematikken og studiet av kulturkontakt innafor transnasjonale regionar. Verdsoppfatningar, det urbane kontra det rurale, religiøse tradisjonar, normer og verdiar vil bli problematisert i storfaget.

Pensum for storfaget er samansett av to komponentar:

Hi301. Kultur, identitet - nasjon, region, teoripensum (obligatorisk) på 15 studiepoeng og ca 1200 sider. Dette omfattar desse 6 emneblokkene:

Det globale perspektivet - med vekt på bondesamfunnet

Nasjonalisme og nasjonar. - Europa og europeiske regionar

Norske regionar og kulturkontakt. Nordiske kontrastar

Norsk nasjonal identitet

Norske regionar. Regionale kontrastar. By og land

Etnisitet - norske forhold

Hi302. Ei semesteroppgåve som skal utgjere 9 studiepoeng, og eit sjølvstendig utarbeidd pensum på om lag 500 sider som tel 6 studiepoeng. Semesteroppgåva, ca. 25 maskinskrivne sider, skal vere basert på sjølvstendig studium av kjelder og/eller litteratur. Ho skal vere utstyrt med forsvarlege kjelde- og litteraturtilvisingar og vise at studenten meistrar vitskapleg framstillingsmåte.

### ***Hi301: Kultur, identitet - nasjon, region, teoripensum, 15 studiepoeng***

#### ***Pensum***

#### **Det globale perspektivet - med vekt på bondesamfunnet**

Generelt og globalt om bondesamfunnet: Den ideologiske orden, verdsoppfatningar, normer og verdiar.

Bondesamfunnet sett i forhold til den urbane kulturen.

Dobrowolski, Kazimiers: "Peasant Traditional Culture". I: Teodor Shanin (ed.): Peasant Societies. s. 277-298.

Harmondsworth 1971.

Sutti Ortiz: Reflections on the Concept of "Peasant Culture" and Peasant "Cognitive Systems", I: op. cit., s. 322-336.

Redfield, Robert and Milton B. Singer: "City and Countryside: The Cultural Independence" I: op. cit., s. 337-365.  
 Wolf, Eric: "Bondesamfunnet og den ideologiske orden", I: Eric Wolf: Bønder. En social-antropologisk oversigt over bondesamfundets utvikling, s. 124-140 (17 s.). København 1973.

### **Nasjonalisme og nasjonar. - Europa og europeiske regionar**

Nasjonalisme og nasjonalstatproblematikk. Europeisk identitet og regional identitet i Europa.

Flo, Idar: "Kampen for irsk sjølstende" I: Historie 4/1997 s. 22-30.

Kolstø, Pål: "Når overbygningen slår tilbake". I: NNT 1/1992, s. 28-40.

Kommisrud, Arne og Hilde Svartdal: "Tilbake til framtiden? Statsbygging og nasjonale myter i den russiske historiske tradisjon" I: Internasjonal Politikk 50 (1-2), s. 79- 93.

Kolstø, Pål: Nasjonalstaten - uegnet i øst?". I: NNT 3/1995, s. 266-274.

Langvik-Johannesen, Kåre: "Når minoriteten er undertrykker: Den etniske konflikt i Belgia" I: Lars Fosse, Martin: Gobelin Europa s. 236-251.

Sørensen, Øystein: "Det germanske Europa fra Bismarck til Kohl". I: NNT 3/1991, s. 245-264.

Thomas, Hugh: "The War of the Nazis I: Races". I: Hugh Thomas: An Unfinished History of the World, s. 663-675 (13 s.). Hamilton 1996.

Vetlesen, Arne Johan: "Tysk identitet etter 1945". I: NNT 3/1995, s. 259-265.

Østerud, Øyvind: "Europa og det nasjonale spørsmål". I: NNT 1/1991 s. 3-10.

Østerud, Øyvind: Hva er nasjonalisme? (129 s.). U.forl. 1994.

### **Norske regionar og kulturkontakt. Nordiske kontrastar**

Kulturkontakt. Samkvem Norge-Nederland (1600-talet), Skagerak-Kattegat-regionen (ca. 1500-1900).

Kulturpåverking England-Sørlandet ca. 1800. Samkvemet mellom Nord-Norge og Nord-Russland (Barents-regionen). Habitus-skilnader i Skandinavia.

Barth, Fredrik: "Introduction". I: Fredrik Barth (ed.): Ethnic Groups and Boundaries s. 9-38. U.forl. 1969.

Holm, Poul: "Mentaliteterr" (VIII. "Kystkulturer i forvandling". IX. "Borgerskabet ved kysten". X. "Afslutning: Kattegat og Skagerak mellom Nordsø og Østersø"). I: P. Holm: Kystfolk. Kontakter og sammenhænge over Kattegat og Skagerak ca. 1550-1914, s. 219-296. Esbjerg 1991.

Johansen, Berit Eide: "Fiender og venner. Kontakt og påvirkning". I: B.E. Johansen: Han sad i prisonen ... Sjøfolk i engelsk fangenskap 1807-1814, s. 52-77. U.forl. 1993.

Meyer, " "Asien begynner i Malmö". Habitus-forskjeller i Skandinavia i første halvdel av det 20. århundret" I: Bjørnson m.fl. (red) s. 253-264.

Niemi, Einar: "Naboer gjennom tusen år", I: E. Niemi (red.): Nord-Norge og Nord- Russland gjennom tusen år , s. 9-28. Oslo 1992.

Niemi, Einar: "Barentsregionen - en region?". I: Bjørnson, Nysæter, Uthaug (red.): Til debatt, innlegg ved Norske historiedager 1996 s. 265-275. Bergen 1998.

Rian, Øystein: "Sentrum og periferi i Norden på 1600- og 1700-tallet". I: Bjørnson m.fl. (red.) s. 245-252.

Sogner, Sølvi: "Sluttord: "Norge er større enn noen vet av ... " ", i S. Sogner: Ung i Europa. Norsk ungdom over Nordsjøen til Nederland i tidlig nytid, s. 135-141. U.forl. 1994.

Sogner, Sølvi: "Hver sin dal". I: S. Sogner: Krig og fred 1660-1780, Aschehougs Norgeshistorie bd. 6, s. 58-73. Oslo 1996.

### **Norsk nasjonal identitet. Nasjonsbyggingsproblematikken. Kva er norsk identitet?**

Bø, Gudleiv: "Det nasjonale og den europeiske kulturarv", i Lars M. Fosse (red.): Gobelin Europa. Søkelys på europeisk kultur, s. 160-170. Oslo 1995.

Furre, Berge: "Norsk kristen identitet frå Heilag Olav til Rosmarie Köhn" i Inge Eidsvåg (red.): Sigrud Undset, middelalderen i vår egen tid, s. 125-145. U.forl. 1994.

Goksøyr, Matti: "Nasjonal identitetsbygging gjennom idrett og friluftsliv", NNT 2/1994, s. 182-193.

Larsen, Tord: "Bønder i byen - på jakt etter den norske konfigurasjonen", i Arne Martin Klausen (red.): Den norske væremåten, s. 15-44. Oslo 1984.

Lunden, Kåre: "Målrørsla og det nasjonale i 90-åra", i NNT 4/1991, s. 361-69 (9 s.).

Nordby, Trond: "State- and Nation-building", i William H. Hubbard m. fl.: Making a Historical Culture. Historiography in Norway s. 181-209. U. forl. 1995.

Nerbøvik, Jostein: "Nasjonalismen innanfor og til venstre for Venstre". I: Øistein Sørensen: Jakten på det norske s. 321-338. Oslo 1998.

Seip Anne-Lise: "Jakten på nasjonal identitet", I: NNT 3/1994, s. 281-294.

Slagstad, Rune: " "Norig, ein folkedaningsheim" " I: NNT 3-4/1996, s. 308-32.

Vike, Halvard: "Norsk kultur: Myte og realitet", I: Hylland Eriksen (red.): Flerkulturell forståelse s. 122-138 (16 s.).

Oslo 1997.

**Norske regionar. Regionale kontrastar. By og land. Regional identitet. Regionale kontrastar og mangfald**

Apelseth, Arne: "Ein europear så god som nokon?" I: Syn & Segn 1/1996, s. 33-47.

Blom, Jan-Petter: "Språk og grenser", i Ottar Brox & Marianne Gullestad (red.): På norsk grunn.

Sosialantropologiske studier av Norge, nordmenn og det norske, s. 147-159. Oslo 1990.

Christophersen, H. O.: "Sedelighetstilstanden på landet i Norge I", "Sedelighetstilstanden på landet i Norge II", i H. O. Christophersen: Eilert Sundt. En dikter i kjennsgjerninger, s. 134-172. Oslo 1979 (1962).

Døssland, Atle: "Strilelandet som særeigen region", I: Bjørnson m.fl. op.cit. s. 287- 294.

Fet, Jostein: "Bokmassen i sunnmørsskifta", "Sosial fordeling av bokmassen på Sunnmøre", "Geografisk fordeling av bokmassen på Sunnmøre", "Regionale skilnader" og "Preferansar av bokgrupper". I: J. Fet: Lesande bønder, s. 82-140. U.forl. 1995.

Høydal, Reidun: "Omgangsskulelæraren som bygdeelite. Skriftkulturell meistring som sosial ressurs", I: Heimen 3/1996, s. 201-206.

Kramer, Julian: "Norsk identitet - et produkt av underutvikling og stammetilhørighet", i A.M. Klausen 1984 op. cit., s. 88-97.

Løseth, Arnljot: "Ulike folkeslag?", (Kap. 1), "Venstreborg under åtak" (kap. 4), "Prevensjon og seksualmoral ...", "og sjølvkontroll" (frå kap. 6), i A. Løseth: Likskap og lagdeling. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal bd. III, 1920-1972, s. 34-60, 107-135, 174-178. Oslo 1996.

Løseth, Arnljot: "Byen og bygdene. Ålesund og sunnmørsbygdene frå mellomkrigs tida og fram til i dag". I: Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 1998 s. 38-56.

Monson, Odd: "Språkvitskapen på 1700-talet: eit grunnlag for Ivar Aasen" I: Syn & Segn 1/1996, s. 22-32.

Oldervoll, Jan og Sølvi Sogner: "Fødsler utenfor ekteskap i lys av giftermålsmarked og økonomisk utvikling ca. 1800-1850. Hvorfor er utviklingen så ulik i de forskjellige lands-delene?", i Jørgen Eliassen og Sølvi Sogner: Bot eller bryllup? s. 71-80. U. forl. 1981.

Rian, Øystein: "Regionens rolle i historien". I: Heimen 4/1997 s. 283-288.

Walton, Stephen J.: "Geografi og kjærleik", "Berte Paulsdotter Vike: Kva hende i 1835, "Bygda", "Samfunnsstrukturen", "Einskildpersonar", "Nasjonen", i Stephen J. Walton: Ivar Aasens kropp. Oslo 1996, s. 104-117, 192-197, 221- 237, 245-57.

**Etnisitet - norske forhold**

Eidheim, Harald: "When Ethnic Identity is a Social Stigma", i Fredrik Barth (ed.): Ethnic Groups and Boundaries, s. 39-57. U. forl. 1969.

Hovland, Arild: "Etnisk bevisstgjøring og kreolisering", I: Hylland Eriksen op. cit. s. 216-232.

Niemi, Einar: "History of Minorities: The Sami and the Kvens", i William H. Hubbard m. fl.: op. cit. s. 325-346.

Stordahl, Vigdis: "Samene: Fra "lavtstaaende race" til "urbefolkning" ", I: Hylland Eriksen (red.) op. cit. s. 139-152.

**Hi302: Semesteroppgåve med sjølvvald pensum, 15 studiepoeng**

Semesteroppgåva skal utgjere 9 studiepoeng (om lag 25 maskinskrevne sider). Til dene skal student legge opp eit sjølvvald pensum på om lag 500 sider, som tel 6 studiepoeng.

Modulen kan berre takast same semester som Hi301 eller seinare.

Det kan bli mindre justeringar av opplegg og pensum ved semesterstart.

**MASTERGRADSMODULAR**

I studieåret 2002/2003 tilbyr Historisk institutt modular for studentar ved dei to mastergradsstudia ved Høgskulen i Volda. Det er knytt særskilde opptaksreglar til mastergradsstudia, og studentar må vere tekne opp til mastergraden i samfunnsplanlegging eller i nynorsk skriftkultur for å kunne nytte modulane nedanfor som mastergradsmodular:

**Hi303: Lokalhistorie og nasjonale identitetar, 30 studiepoeng**

Denne modulen er identisk med dei to 15 studiepoengsmodulane «Hi204 Lokalhistorie, teoripensum» og «Hi301 Kultur, identitet - nasjon, region, teoripensum» nemnt framafor. Desse kan, samla, takast som ein valfri modul i mastergraden i samfunnsplanlegging ved Avdeling for samfunnsfag, HVO.

**Hi304: Nasjonale identitetar, 15 studiepoeng**

Denne modulen er identisk med 15 studiepoengsmodulen «Hi301 Kultur, identitet - nasjon, region, teoripensum» nemnt framafor. Den kan takast som ein valfri modul i mastergraden i nynorsk skriftkultur ved Ivar Aasen-instituttet, HVO.

## VURDERING OG EKSAMEN

### **Arbeidskrav:**

Studentane sitt arbeid gjennom heile semesteret blir lagt til grunn for evalueringa i alle modular. Følgjande arbeidskrav skal kvar student gjennomføre i kvar 15 studiepoengsmodul (med unntak for Hi104, Hi205 og Hi302, sjå nedafor):

1. Skrive eit antal evalueringsoppgåver i samsvar med nærare oppsette formkrav og framdriftsplan. Oppgåvene blir i utgangspunktet gjevne i nær tilknytning til den ordinære undervisninga. Oppgåve skal normalt behandlast i respons- eller basisgruppe i samsvar med etterfølgjande pkt. 2 og 3.
2. Skrive korte kommentarar (respons) til utkast til evalueringsoppgåver for medstudentar. Desse kommentarane skal følgje nærare oppsette formkrav, og skal leverast etter ein eigen plan.
3. Saman med evalueringsoppgåvene levere eit kort refleksjonsnotat frå studiet, som skal innehalde tre hovudpunkt: a) Ei kort oppsummering av arbeidet med evalueringsoppgåvene (kva problem som oppstod undervegs, kva nytte du hadde av dei skriftlege kommentarane frå medstudentane og kva nytte du hadde av drøftingane i gruppesamlingane og/eller i forum på nettet). b) Kva har pensumlitteraturen til modulen gjeve? c) Korleis har den ordinære undervisninga i emnet og det stoffet som er utlagt på internett verka i læringsprosessen? Refleksjonsnotatet skal skrivast som eitt samla dokument.
4. Gjennomføre ei individuell heimeprøve.

Detaljane i arbeidskrava (tal på oppgåver, formelle krav til utforming m.m.) blir gjevne i eige skriv før kvar modul startar.

### **Innleveringar, modul Hi101, Hi102, Hi103, Hi105, Hi106, Hi201, Hi202, Hi203, Hi204 og Hi301:**

Ved innleveringa skal altså kvar student si mappe innehalde: a) evalueringsoppgåver i samsvar med pkt. 1 over, b) kommentarar til medstudentars oppgåveutkast i samsvar med pkt. 2 over c) eit refleksjonsnotat i samsvar med pkt. 3 over og d) ei skriftleg heimeprøve i samsvar med pkt. 4 over. Komplette mappe må leverast til evaluering same semester som arbeidet er utført.

### **Evalueringa, modul Hi101, Hi102, Hi103, Hi105, Hi106, Hi201, Hi202, Hi203, Hi204 og Hi301:**

Evalueringa blir gjennomført slik:

Ein førebels karakter blir fastsett på grunnlag av evalueringsoppgåvene og dei kommentarane som er gjevne til medstudentar. Denne karakteren blir endeleg fastsett på grunnlag av heimeprøva.

Ein karakterskala frå A til F blir nytta, der A er beste karakter, F er stryk. Studentane må bestå alle tre delane av evalueringa.

### **Særskilt om evalueringa, modul Hi203:**

Evalueringsoppgåva og responsane tel 30 % av endeleg karakter, heimeprøva tel 70 %. Elles som førre punkt.

### **Særordning for Hi104 Innføring i lokalhistorie:**

Evalueringa av Hi104 er todelt. Prosjektoppgåva blir evaluert for seg. Til den øvrige delen av studiet skal studentane:

1. Gjennomføre ei individuell praktisk heimeprøve på 2 dagar.
2. Leverer eit refleksjonsnotat frå studiet, som skal innehalde a) ei vurdering av opplegget for studiet (pensum, undervisning, nettilrettelegginga) i høve til læringsmålet, og b) ei oppsummering av arbeidet med prosjektoppgåva.

Ved evalueringa tel prosjektoppgåva 60 %, heimeprøva 20 % og refleksjonsnotatet 20 %. Ein karakterskala frå A til F blir nytta, der A er beste karakter, F er stryk. Alle tre arbeidskrava må vere fullført og bestått same semester.

### **Særordning for Hi205 Semesteroppgåve i lokalhistorie:**

Emnet kan berre takast i kombinasjon med Hi204, og semesteroppgåva (som utgjer heile emnet) kan berre leverast og bli evaluert same semester som arbeidskrava til Hi204 blir utførte, eller inntil 2 semester etter desse er fullførte. Ein karakterskala frå A til F blir nytta, der A er beste karakter, F er stryk.

### **Særordning for Hi302 Semesteroppgåve i storfag:**

Emnet kan berre takast i kombinasjon med Hi301, og semesteroppgåva (som utgjer heile emnet) kan berre leverast og bli evaluert same semester som arbeidskrava til Hi301 blir utførte, eller inntil 2 semester etter desse er fullførte. Same semester som oppgåva blir levert, skal studenten møte til munnleg eksamen i det sjølvvalde pensumet til emnet. Ein karakterskala frå A til F blir nytta, der A er beste karakter, F er stryk. Det blir gjevne ein felles karakter for semesteroppgåva og munnleg eksamen.



**Særordning for studentar som ikkje følgjer den ordinære undervisninga (progresjonen):**

Instituttet kan etter vurdering ta opp studentar til einskildmodular utanom undervisningsperiodane. Desse kan bli organiserte saman i respons- eller basisgrupper på studiestaden eller på internett, slik at dei kan gjennomføre arbeidskrava for den eller dei aktuelle modulane slik dei framgår ovafor. Studentar kan bli tildelt eldre opp-gåve-utkast til kommentar, eller kan bli fritekne for dette elementet i evalueringa. Det blir da kravd tilsvarande utvida vekt på refleksjonsnotat. Alle arbeids-krav til den eller dei modular studenten tek må vere utført same semester.

**Privatistar**

Studentar som melder seg til eksamen som privatistar må avlegge individuell skriftleg 8-timars eksamen for kvart 5-vekttalseme. Modul Hi104 Innføring i lokal- og regionalhistorie vert evaluert i form av prosjektoppgåve og individuell 4-timars eksamen.

**Fagdidaktikk (innpassing i lærarutdanning)**

For dei som vil nytte modular i historie som del av det 4. året i lærarutdanninga, gjeld følgjande særkrav:

1. 15-studiepoengsmodulen Hi103: «Oversynshistorie frå ca 1870 til i dag med metode» er obligatorisk.
2. Evalueringsoppgåvene innafor dei valde modulane skal skrivast med fagdidaktisk vinkling.
3. Kapitla 19 og 20 i Kjeldstadli (1999) er pensum.

Einaste endring i dette avsnittet i høve til gjeldande studieplan er pkt 2, der øvingsoppgåva er erstatta med evalueringsoppgåvene.

\*\*\*

Det vert teke atterhald om at studieplanen og/eller pensumlistene kan bli justert på enkelte punkt før studiestart.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [MEDIEKUNNSKAP ÅRSEINING \(60 STUDIEPOENG\)](#)
  - [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
    - [Medievitskap I \(15 studiepoeng\):](#)
    - [Medievitskap II og Mediedidaktikk \(15 studiepoeng\):](#)
    - [Sjølvvvalt prosjektarbeid \(15 studiepoeng\):](#)
    - [Praktiske emne \(15 studiepoeng\):](#)
    - [Praksis \(2-4 veker\):](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)

## MEDIEKUNNSKAP ÅRSEINING (60 STUDIEPOENG)

Fagplanen byggjer på Rammeplan for mediekunnskap, første og andre halvårseining (Lærarutdanningsrådet/KUF 1986).

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Studiet har eit omfang på 60 studiepoeng, og kan gå inn som ein valfri del av den 4-årige allmennlærarutdanninga. Studiet kan også takast som ein del av ein bachelor- eller cand. mag.-grad, og som vidareutdanning for lærarar i grunnskule og vidaregåande skule. I tillegg til å kvalifisere for arbeid i skulen, gir studiet bakgrunn for anna pedagogisk, kulturelt og sosialt arbeid med barn, unge og media. Mediekunnskap er og første år i bachelorutdanninga 'Media, IKT og design', og kan vere første året i bachelorutdanningane journalistikk, informasjon og animasjon på Avdeling for mediefag.

Studiet gir ingen formell kompetanse til arbeid i profesjonelle mediebedrifter, men vil styrke realkompetansen til slikt arbeid.

### MÅL

Mediekunnskap er eit tverrfagleg studium som kombinerer teoretiske, analytiske og praktiske tilnæringsmåtar. Å skape innsikt i korleis massemedia fungerer på individ- og samfunnsnivå er ein viktig del av studiet, og studentane skal utvikle eit aktivt og medvite forhold til eigen og andre sin mediebruk. Dette vil vere grunnlag for arbeid med mediedidaktiske problemstillingar og til seinare yrkespraksis.

Studenten skal tileigne seg

- eit teoretisk og praktisk grunnlag for å forstå den rolla media spelar i samfunnet og for kvart einskild individ
- grunnleggjande innsikt i korleis medieorganisasjonane er bygde opp og fungerer
- innsikt i media si rolle i lærings- og sosialiseringssprossar

- innsikt i korleis media fungerer som kulturformidlarar og kulturskaparar
- innsikt i korleis ein kan legge til rette for mediedidaktisk arbeid i og utanfor skulen
- grunnleggjande praktisk kunnskap i å lage egne medieprodukt

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studiet skal i utgangspunktet femne om alle typar medium, men både i dei teoretiske og praktiske delane av studiet vil det bli lagt særleg vekt på nye elektroniske og nettbaserte media.

*Vekttalsoppbygging av studiet:*

Medievitskap I	15 studie poeng
Medievitskap II (10 sp) + mediedidaktikk (5 sp) praksis (2-4 veker)	15 studie poeng
Valfri fordjuping, prosjektarbeid i medieemne	15 studie poeng
Praktisk medieproduksjon (eigenproduksjon)	15 studie poeng

Undervisninga i teorikurset Medievitskap I vil vere forelesingar i storgruppe på 100-150 studentar. I tillegg skal studentane skrive 2 oppgåver med utgangspunkt i emne frå dette teorikurset. Oppgåveemne og fristar vil gå fram av semesterplanen.

Medievitskap II vil og ha forelesingar i storgruppe, innleveringsoppgåver og med skriftleg eksamen til slutt, der pensum frå Medievitskap I og vert prøvd.

I anna teoriundervisning, som er i 30-gruppe (m.a. analyse, mediepedagogikk, didaktikk), vil det verte lagt stor vekt på at studentane sjølve skal vere aktive bidragsytarar. Når det gjeld medium som Internett, dataspel og film, vil truleg både generell kunnskap, og ikkje minst brukarrøynsle, vere stor hjå mange av studentane. Dialog- og prosjektprega undervisningsform er sjølvstøtt i slike emne. I tillegg til den lærarstyrte samtalen skal studentane i desse timane ha ansvar for munnlege/datastøtta presentasjonar av ulike oppgåver.

Det er ikkje obligatorisk frammøte til undervisninga i medievitskap, men heimeoppgåvene er obligatoriske arbeidskrav. Det er formelt krav om obligatorisk deltaking i samband mediedidaktikk, praksis og til kursa i praktisk medieproduksjon. Nærare presisering av tidspunkt for og omfang av desse obligatoriske delane av studiet, vil gå fram av semesterplanen og timeplan som vert utdelt ved studiestart.

Den timeplanfesta undervisninga vil normalt verte lagt mellom kl 8.15 og 16, måndag til fredag. I tillegg kan det vere aktuelt å avvikle nokre utvalde einskildtimar eller konsentrerte kurs på kveldstid eller laurdag. Datoar og klokkeslett for ev. kvelds- eller helgeundervisning vil gå fram av semesterplanen.

Dei praktiske delane av studiet vil truleg bli avvikla som konsentrerte kurs over ein avgrensa periode.

## INNHALD

### Medievitskap I (15 studiepoeng):

Medievitskap I er det same kurset som førsteårsstudentane på AMF si journalistutdanning tek i løpet av 1. semester. (Nærare omtale av innhald og pensum under Avdeling for mediefag.) Obligatorisk arbeidskrav: sjå fagplanen for medievitskap.

## **Medievitskap II og Mediedidaktikk (15 studiepoeng):**

Medievitskap II er framhald av Medievitskap I (nærmare omtale av innhald, pensum og eksamen under Avdeling for mediefag), og vert avslutta med skriftleg eksamen der pensum frå Medievitskap I og II + Mediedidaktikk vert prøvd..

Mediedidaktikk fokuserer på problemstillingar knytte både til teoretisk medievitskap, og til bruk av medie- og datateknologi i undervisning og opplæring i ulike skuleslag. Ein krev obligatorisk deltaking og minst ein munnleg presentasjon av eit bestemt mediedidaktisk emne. Prosjektpraksis i skulen knytt til dette emne. Likeins observasjonspraksis i medieverksemd.

## **Sjølvalt prosjektarbeid (15 studiepoeng):**

Her skal studenten sjølv velje eit emne frå medieteorien som han/ho skal fordjupe seg i. I arbeidet med stoffet og i sluttproduktet skal studenten vise at han/ho kan bruke vitenskapleg metode. Utforming/presentasjon skal også vise medviten bruk av IKT. Både problemstilling, disposisjon/førstekast og sjølvalt pensum skal godkjennast av faglærer. Fristar for desse del-innleveringane vil gå fram av semesterplanen. Eksamen: Større skriftleg eller elektronisk produsert prosjektoppgåve.

## **Praktiske emne (15 studiepoeng):**

A) Grunnleggjande innføring i produksjon av radio, video, avis og animasjon, der studentane vel minst 3 av desse emna.

B) Innføring i IKT m. biletbehandling og webproduksjon.

For alle kursa i praktiske emne vil endeleg oversyn over organisering, omfang og arbeidskrav gå fram av semesterplanen.

Obligatorisk deltaking på kursa og produksjon av nokre enkle medieprodukt.

## **Praksis (2-4 veker):**

I samarbeid med elevar og lærarar ved ein eller fleire grunnskular skal studentane gjennomføre eit tverrfagleg, prosjektorganisert undervisningsopplegg i mediekunnskap. I denne praksisen vil studentane normalt vere organiserte i grupper på 4 -5. Sjølve prosjektgjennomføringa skal vare i maksimalt ei veke, medan heile praksisperioden (inkludert føre- og etterarbeid) skal ha eit omfang på til saman 2 vekers arbeid.

Dei 2 andre vekene i praksisperioden er avsett til observasjonspraksis i medieinstitusjon.

Obligatorisk deltaking på førebuing, gjennomføring og etterarbeid i samband med praksis. Praksisrapport skal levrast.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### ***Forprøver og obligatoriske arbeidskrav:***

Følgjande arbeidskrav må vere gjennomførte og godkjende før ein får gå opp til avsluttande eksamen:

- Mediepedagogikk/didaktikk, obligatorisk frammøte og minst ein munnleg presentasjon med skriftleg grunnlag, av eit nærare oppgitt emne.
- Skriftlege oppgåver i MEV I, sjå fagplanen for medievitskap.

Følgjande arbeidskrav må vere gjennomførte og godkjende før ein får utskrive dokumentasjon for fullført utdanning:

- Kurs i praktisk arbeid med video, radio, animasjon, avis (minst tre kurs).
- Kurs i praktisk arbeid med nettbaserte medium, innføring i IKT og web-design.

- Praksis, obligatorisk frammøte, med godkjent planleggingsdokument og praksisrapport.

Alle arbeidskrav har intern sensur.

Når det gjeld høve til å gjennomføre arbeidskrav utanom ordinær framdriftsplan, viser vi til HVO sine generelle forskrifter for eksamen og eventuelt nærare avtale med den fagansvarlege.

Vurderingsordninga er under endring, så det kan verte justeringar i løpet av studieåret.

### **Eksamen**

Den endelege vurderinga er sett saman av følgjande:

1. Medievitskap I - mappeeksamen, sjå fagplanen for medievitskap.
2. Medievitskap II og mediedidaktikk - skriftleg eksamen, sjå fagplanen for medievitskap.
3. Prosjektoppgåve.

Det blir gitt karakterar på ein skala med gradering frå A til E.

Studentane får oppført dei praktiske kursa på karakterutskrift/vitnemål med timetal.

Praktiske kurs og praksis vert vurdert med: Greidd - Ikkje Greidd

### **PENSUM**

Endeleg pensumliste blir utlevert ved studiestart.

Medievitskap I.

Mediedidaktikk og medievitskap II.

For medievitskap I og II: Sjå omtale og pensumliste i kapitlet om AMF sine grunnutdanningar annan stad i Studiehandboka. Mediedidaktikk har eiga pensumliste.

Praktiske emne; til saman om lag 500 s.

Sjølvalt prosjektarbeid; om lag 400 sider knytt til emnet for prosjektoppgåva. Litteraturen skal godkjennast av faglærer.

I tillegg til dette vil deler av fellespensum frå MEV I, II og mediedidaktikk vere relevant også i denne delen av studiet.

**Student Fag- Til  
kontoret planar toppen**



- **NORSK GRUNNFAG**

- [MÅL](#)
- [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
- [INNHALD, OPPBYGGING OG SAMANSETJING](#)
- [Norsk språkkunnskap \(30 studiepoeng\)](#)
- [Norsk litteraturkunnskap \(30 studiepoeng\)](#)
- [Organisering og arbeidsmåtar](#)
- [Arbeidskrav](#)
- [Vurdering og eksamen](#)
- [PENSUM](#)
- [Modul NOG01: Språket som struktur](#)
  - [A. Kjernepensum](#)
  - [B. Særpensum](#)
- [Modul NOG02: Språket som kultur](#)
  - [A. Kjernepensum](#)
  - [B. Særpensum](#)
  - [Alternativ 1: Nynorsk språkbruk](#)
  - [Alternativ 2: Personnamn](#)
- [Modul NOG03: Tekst og struktur](#)
  - [A. Kjernepensum](#)
  - [B. Særpensum](#)
  - [Alternativ 1: Realismar](#)
  - [Alternativ 2: Dramatikk frå Ibsen til notida](#)
  - [Alternativ 3: Den nynorske lyriske tradisjonen](#)
- [Modul NOG04: Tekst og kultur](#)
  - [Perioden 1870 - 1900 \(døme\)](#)
  - [A. KJERNEPENSUM](#)
  - [B. Særpensum](#)
  - [Alternativ 1: Knut Hamsuns 90-talsdikting](#)
  - [Alternativ 2: Litteratur og kjønn 1870 - 1900](#)
- [Didaktikk og faghistorie](#)

## NORSK GRUNNFAG

### MÅL

Studentane skal tileigne seg sentrale kunnskapar om norsk (nordisk) språk og litteratur i fortid og notid, og dessutan få ei første innføring i vitskapleg metode.

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Opptaket skjer normalt etter ordinær søknadsfrist (samordna opptak) om våren. Studiet tek då til i haustsemesteret. Det er også mogleg å søkje om internt opptak før jul, med studiestart i vårsemesteret.

Studiet byggjer på eksamen frå vidaregåande skule, allmennfagleg studieretning. Det er også mogleg å søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse etter individuell vurdering. Søkjaren må då vere over 25 år og dokumentere ei

utdanning i norsk som svarar til VK2.

## **INNHALD, OPPBYGGING OG SAMANSETJING**

Norsk grunnfag er sett saman av fire modular på 15 studiepoeng kvar, to i språkkunnskap og to i litteraturkunnskap. Ein tek eksamen i kvar modul, men for å få grunnfag må ein ta eksamen i alle fire. Ein kan også få grunnfag (60 studiepoeng) om ein kombinerer to modular, ein språkleg (modul 102) og ein litterær (modul 104), med 30 studiepoeng frå norsk i lærarutdanninga.

For å få godkjent grunnfag, må ein dessutan ha emnet *Faghistorie og didaktikk*. Det vert gitt førelesingar, og i tillegg skriv studenten ei oppgåve (5 sider) som skal godkjennast av faglæraren.

Normert studietid for grunnfag (60 studiepoeng) er to semester.

## **NORSK SPRÅKKUNNSKAP (30 STUDIEPOENG)**

Norsk språkkunnskap er sett saman av to modular som kvar gir 15 studiepoeng:

Modul 1: Språket som struktur (NOG01)

Modul 2: *Språket som kultur* (NOG02)

Modul NOG01 gir eit felles grunnlag for studiet av norsk språk. Her får studentane generell kunnskap som er naudsynt anten dei skal verte norsklærarar eller bruke språkkunnskapen i andre yrkessamanhengar.

Modul NOG02 rommar i hovudsak ein historisk del og ein regionalt tilpassa del. Denne modulen kan setjast saman av ulike emne, slik at det også er mogleg å tilpasse einskilde emne til andre studieretningar.

## **NORSK LITTERATURKUNNSKAP (30 STUDIEPOENG)**

Norsk litteraturkunnskap er sett saman av to modular som kvar gir 15 studiepoeng:

Modul 3: Tekst og struktur (NOG03)

Modul 4: *Tekst og kultur* (NOG04)

Modul NOG03 gir studenten generell tekstkompetanse og innføring i dei litterære hovudsjangrane. Pensum er sett saman av litteraturhistorie, sjangerteori og eit utval teoretiske og litterære tekstar.

Modul NOG04 gir ei fordjuping i éin sentral periode. Pensumtekstane skal både representere den litterære kanon og gi eit bilete av mangfaldet i periodens tekstproduksjon. Det blir lagt vekt på å sjå tekstane i ein kulturell og sosial samanheng.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Kvar modul er sett saman av eit obligatorisk kjernepensum (10 studiepoeng) og eit særpensum (5 studiepoeng) med større valfridom. Alt etter studenttal og ressursar ved instituttet kan ein kvart semester eventuelt gi undervisning i fleire særnemne.

Undervisninga i kjernepensum blir i hovudsak gitt i form av førelesingar. Særnemnet blir det arbeidd med på seminar, som krev aktiv deltaking frå studentane. Seminaret har både ein teoretisk og praktisk funksjon. Det gir ei innføring i det aktuelle emnet, og kan òg ha karakter av skriveverkstad, der studentane presenterer og diskuterer problemstillingar og utkast til den individuelle, skriftlege oppgåva (sjå nedanfor om evaluering).

Seminar deltakinga er obligatorisk, med minimum 80 % frammøte.

## **ARBEIDSKRAV**

1. Munnleg innlegg, t.d. presentasjon av sær oppgåva med vekt på problemformulering, teori/metode og disposisjon (20 min).
2. Munnleg respons på eitt innlegg i kvart seminar.
3. Avsluttande skriftleg sær oppgåve (10 sider à 2000 teikn). Studenten har krav på to individuelle rettleiingstimar. Oppgåva skal leverast seinast to veker etter at seminaret er avslutta.

Deltidsstudentar som ikkje har høve til å følgje heile seminaret, må gå opp til ein munnleg eksamen i kvart særpensum etter avtale med instituttet. Den skriftlege oppgåva må ha eit omfang på om lag 15 sider.

Fulltidsstudentar som ikkje kan oppfylle kravet om frammøte, kan søkje instituttet om å få godkjent den ordninga som gjeld for deltidsstudentar.

## VURDERING OG EKSAMEN

Eksamen i *særpensum* svarar til arbeidskrava som det er gjort greie for ovanfor.

På sær oppgåva blir det gitt gradert karakter (A - F). På innlegget og responsen blir det ikkje gitt gradert karakter, men begge må vere godkjende av faglæraren for at studenten skal få sensur på sær oppgåva.

Arbeidskrava må normalt vere oppfylte i same semester som seminaret vert halde.

I *kjernepensum* må studenten ta ein avsluttande, 4 timars skuleeksamen for kvar modul.

Studenten kan sjølv velje kva semester ho/han vil gå opp til eksamen.

Karakteren frå særemnet (5 studiepoeng) vert rekna saman med karakteren frå skuleeksamen (kjernedelen, 10 studiepoeng).

For å få godkjent grunnfagseksamen skal dei skriftlege arbeida (sær oppgåver og skuleeksamenar) ha jamn fordeling mellom nynorsk og bokmål. Studenten må dessutan få godkjent éi oppgåve (om lag 5 sider) i faghistorie og didaktikk (sjå nedanfor).

For dei skriftlege eksamenane nyttar ein bokstavkarakterar (A - F).

Seinast ein månad før eksamen skal studenten levere inn utfylt og underskriven pensumliste for kvar modul. Standardliste får ein ved instituttet. For å få gå opp til eksamen skal pensumlista vere godkjend av faglærar. Skriftleg eksamen vert halden i slutten av november og i slutten av mai.

Det vert ikkje gitt vitnemål på mindre einingar enn 15 studiepoeng (ein modul).

## PENSUM

Omfanget av pensum er fastsett ut frå normert studietid. Kvar modul (15 studiepoeng) er rekna til eit halvt semesters fulltids arbeid.

## MODUL NOG01: SPRÅKET SOM STRUKTUR

### A. Kjernerpensum

#### *Fonetikk og fonologi*

Fonetikk er studiet av språklydar med vekt på artikulasjon, klassifikasjon og lydskrift. Fonologien byggjer på fonetikken og er studiet av tydingsskiljande (ordskiljande) einingar (fonem) og av fonemsystem i bestemte målføre eller riksspråk.

Slethei, Kolbjørn: Grunnbok i fonetikk for språkstudenter. Oslo 1996.

Andersen, Øivin: *Fonologi for forprøvestudenter*. Institutt for fonetikk og lingvistikk.

Universitetet i Bergen 1991. Skriftserien nr. 40.

#### *Morfologi*

Morfologien er studiet av ordbyggnad, bøyning og ordlaging.

Rønhovd, Jarle: *Norsk morfologi*. 2. utg. Oslo 1997.

#### *Syntaks*

Syntaks er studiet av byggnaden av språklege heilskapar og tilhøvet mellom dei.

Lie, Svein: *Innføring i norsk syntaks*. Kap. 1-12. Oslo 1990.



## B. Særpensum

### **Tekstlingvistikk og pragmatikk**

Studiet av tekstlingvistikk og pragmatikk omfattar språkbruken i ulike tekstar og samanhengar. Kjennskap til pragmatikk, tekstlingvistikk og tekstsjangrar er viktig for å studere tekstar som kommunikasjon. I den praktiske delen vil analysen av språkbruken i ulike teksttypar stå i sentrum. Studentane skal få innsikt i korleis språkbruken varierer med situasjon, formål, budskap, sosial gruppe og ideologisk samanheng.

Skriftspråklege tilhøve utgjer hovudtyngda i dette emnet, men her er òg rom for talespråkspragmatikk. Ein får innsikt i skiljet mellom skriftspråkleg og talespråkleg kommunikasjon.

**Askeland, Norunn ofl.: *Tekst i tale og skrift. Innføring i tekstarbeid i lærarutdanninga.* Oslo**

1999. Kap. 1, 4, 6, 10, 12-16.

**Svennevig, Jan: *Språksamhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse.* Oslo**

2001.

## MODUL NOG02: SPRÅKET SOM KULTUR

### A. Kjernepensum

#### **Talemål**

Studentane får ei innføring i terminologi og metode, og det vert lagt særleg vekt på geografiske og sosiale variasjonar i norsk talemål. Dei skal dessutan arbeide spesielt med målprøver frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Sandøy, Helge: "Dialektane våre". Johnsen, E.B. (red.): *Talemålet. Vårt eget språk*, bd. 2. Oslo 1987, side 60-173.

Sandøy, Helge: "Vestlandet - der fjordane batt folket saman". Jahr, E.H. (red.): *Den store dialektboka*. Oslo 1990, s. 63-74.

*Skjekkeland, Martin: Dialektutviklinga i Noreg dei siste 15 åra - drøfting og analyse.* Kristiansand 2000.

Venås, Kjell: *Mål og miljø*. 3. utg. Oslo 1991, s. 13-85, og s. 145-149.

Sju talemålstekstar frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

#### **Skriftkultur, målreising og språknorm**

Studiet av skriftkultur, målreising og språknorm gir studentane kunnskapar om bakgrunnen for dagens norske språksituasjon og tekstkultur.

På den eine sida legg ein vekt på utviklinga av skriftspråket fram til i dag, med to jamstelte skriftmål. På den andre sida ser ein på bruken av skriftspråket i ulike typar sakprosa og språkbruken i media og i ymse offentlege institusjonar som t.d. skulen, kyrkja, kommunen. Ein vil særleg konsentrere seg om Nord-Vestlandet (Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane) gjennom studiet av autentisk materiale.

Otnes, Hildegunn og Bente Aamotsbakken: *Tekst i tid og rom*. Kap. 5-11. 2. utg. Oslo 2000.

Tekstutval i kompendium.

### B. Særpensum

Det vert undervist i minst *eitt* av desse emna kvart studieår:

#### **Alternativ 1: Nynorsk språkbruk**

Studenten får ei kort innføring i sentrale emne frå eldre språkhistorie (avlyd, omlyd, bryting) og norrønt (substantiv- og verbbøying). Etter eit oversyn over norsk rettskrivingshistorie på 1900-talet vil studentane få ei grundig innføring i dagens rettskriving og i bruk av hjelpemiddel (ordlister, ordbøker o. l.). Studentane vil deretter få øving i praktisk nynorsk, m.a. med utgangspunkt i eigne tekstar.

Hildegunn Otnes og Bente Aamotsbakken: "Frå urnordisk til moderne norsk". *Tekst i tid og rom*. Norsk språkhistorie. Oslo 2000:27-67.

Olaf Almenningen og Aud Søyland: *Praktisk nynorsk. Øvingar med grammatikk*. Oslo 1995.

Ola Breivega: Råd for uråd. Vegvisar gjennom nynorske minefelt. Oslo 1993.

Jan Olav Fretland: På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga. Oslo 2000.

### **Oppslagsbøker**

Alf Hellevik (medredaktørar: Kåre Skadberg og Aud Søyland): *Nynorsk ordliste*. Oslo 2000.

Magne Rommetveit: Med andre ord. Den store synonymordboka. Oslo 2000.

Råd om språk fra Norsk språkråd. Oslo 1983.

Dag Finn Simonsen (red.): Godt språk i lærebøker. Rettleiing i lærebokarbeid. Oslo 1999.

Finn-Erik Vinje: *Skrivereglar*. Nynorsk. 6. utg. Oslo 1999.

Dag Gundersen: *Håndbok i norsk*. Oslo 2000.

### **Alternativ 2: Personnamn**

Dette emnet vert innleidd med ein forskingshistorikk og ei innføring i norsk personnamngransking. Personnamna (førenamn og etternamn) vert studert ut frå synsvinklar som namnegeografi, historisk og sosial variasjon i namneskikkane, namnelaging, oppkalling, personnamn i litteraturen, namnedagar og namnerett.

### **Oversynsartiklar**

Inge Særheim: "Personnamn." Egil Børre Johnsen (red.): Vårt eget språk. Bind 2. Oslo 1987:319-36.

Terje Aarset: "Frå den nordiske namnerenessansen til i dag." *NPL* 1982:66-87.

Terje Aarset: "Dobbelnamn." *NPL* 1982:88-96.

Gulbrand Alhaug: "'Eg er døypt *Per Jørn*, men dei fleste kallar meg berre *Per*'. Om bruken av tiltalenamn i dobbeltnamn i Noreg." *SAS* 1999:67-91.

### **Namnegeografi**

Gulbrand Alhaug: "Noen skilnader i namnemønsteret mellom Nord-Noreg og Indre Austlandet." *NORNA-rapporter* 29, Uppsala 1985:42-56.

Astrid Rode: "Personnavn i Bærum i Akershus og Jelsa i Rogaland 1500-1800. En vurdering og sammenlikning av kildegrunnlag og navnetyper." *Avdeling for namnegransking. Årsmelding* 1996. Oslo 1997: [63]-78.

Terje Aarset: "Den nordiske namnerenessansen i bygd og by på Sunnmøre 1860-99." *NORNA-rapporter* 29, Uppsala 1985:109-16.

### **Om einskildnamn**

Kristoffer Kruken: "Alexander var den enes navn, den annens var Margido". *Talatrusten* 1990:11-15.

Terje Aarset: "Roe - eit Romsdals-namn." *Romsdals Sogelags årsskrift* 1981:35-47.

### **Oppkalling**

Hallgerd Aune: "Attkallingstradisjonar og namneval i Skaun." *NPS* 1981:62-80.

Eli Fure: "Personnavn og tidsånd." *Namn og nemne* 1990:35-55.

### **Personnamn i litteraturen**

Rune Vanberg: "Namnebruken i Knut Hamsuns nordlandsdiktning." *NPS* 1981:44-61.

### **Etternamn**

Olav Veka: "Innleiing." *NEL* 2000:IX-XVIII.

Botolv Helleland: "Slektsnamn av stadnamn." *Avdeling for namnegransking. Årsmelding* 1996. Oslo 1997:51-61.

### **Namnerett**

"Namnelova." *NPL* 1995:329-38. Kommentar av Kristoffer Kruken s. 335-38.

Kristoffer Kruken: "Bør namnet *Birk* forbydast?" *Nytt om namn* 15/1992:10-12.

Ola Stemshaug: "Fornamnet *Vinjar* - opphav og bruk." *Namn og Nemne* 12/1995:[71]-79.

Ivar Utne: "*Storm* som fornavn for gutt." *Nytt om namn* 26/1997:20-23.

### **Norske namnedagar**

Kruken 1989 (*SAS* 1989:129-39)

Sjå òg *NPL* 1995.

### **Forkortingar**

NEL 2000 = Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon*. Oslo 2000.

NPL 1982 = Ola Stemshaug (red.): *Norsk personnamnleksikon*. Oslo 1982.

NPL 1995 = Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamnleksikon*. 2. utgåva ved Kristoffer Kruken. Oslo 1995.

NPS = Ola Stemshaug (red.): *Norske personnamnstudiar*. Oslo 1981.

## **MODUL NOG03: TEKST OG STRUKTUR**

### **Grunnbok (gjeld begge modulane i litteratur)**

Per Thomas Andersen: *Norsk litteraturhistorie*. Oslo 2001.

### **A. Kjernepensum**

#### **Teori**

Gaasland, Rolf: *Fortellerens hemmeligheter*. Innføring i litterær analyse. Oslo 1999.

Leif Longum: *Å lese skuespill*. Oslo 1976:1-139.

Asbjørn Aarseth og Atle Kittang: *Lyriske strukturer*. Oslo 1998:11-141.

#### **Den episke sjangeren**

Soga om Gisle Sursson eller Soga om Ramnkjell Frøysgode.

Eit undereventyr og ei segn.

Eit utval noveller:

Bjørnson: "Faderen",

Skram: "Karens jul"

Hamsun: "Livets røst"

Sandel: "Kunsten å myrde"

Kielland: *Garman & Worse*

Vesaas: *Fuglane* eller *Is-slottet*.

Ein roman frå 1980- eller 90-talet, t.d. av Dag Solstad, Cecilie Løveid, Kjartan Fløgstad, Liv Køltzow, Jon Fosse, Lars Amund Vaage eller Hanne Ørstavik.

Den dramatiske sjangeren

Henrik Ibsen: *Gengangere*

Nordahl Grieg: *Vår ære og vår makt*

#### **Den lyriske sjangeren**

"Voluspå"

"Bendik og Årolilja"

Dorothe Engelbretsdatter: "Aften Psalme"

Petter Dass: "Indledning" (*Nordlands Trompet*)

Hans Adolph Brorson: "I skal finde et spædt Barn svøbt liggendes i Krybben"

Henrik Wergeland: "Følg Kaldet"

Johan Sebastian Welhaven: "Digtets Aand"

Ivar Aasen: "Nordmannen"

Arne Garborg: "Mot Soleglad"

Sigbjørn Obstfelder: "Jeg ser", "Rugen skjælver"

Kristoffer Uppdal: "Bloddropetrall"

Olav Bull: "Metope"

Olav Aukrust: "Fjell-Norig"

Claes Gill: "Maria", "Hjemme igjen"

Rolf Jacobsen: "Stavkirker", "Stillheten efterpå"

Edith Södergran: "Dagen svalnar"

Tove Ditlefsen: "Barndommens gade"

Olav H. Hauge: "Under bergfallet", "Kvardag", "Svevn"

Gunvor Hofmo: "Det fins ingen hverdag mer"

Tarjei Vesaas: "Innbying"

Paal Brekke: "Der alle stier taper seg"

Arnold Eidslott: "Havmannen og himmelen"  
Georg Johannesen: "Jødisk partisansang"  
Jan Erik Vold: "Tang"  
Cecile Løveid: "Rug"  
Eldrid Lunden: Frå Gjenkjennelsen, avd. I  
Paal-Helge Haugen: "Allmechtig morgon"  
Inger Elisabeth Andersen: "Lovsang til sansene"  
Göran Sonnevie: "Om kriget i Vietnam"  
Pia Tafdrup: "Befri de indvendige sange"

## B. Særpensum

Kva alternativ det vert undervist i, vil vere avhengig av faglærer og studenttal. Men normalt vil eit spesialpensum vere ei sjangerfordjuping. Faglærarane har høve til å lage nye alternativ og byte ut einskilde tekstar. Seminartilboda i modul 103 kan derfor variere fra år til år. Pensum skal romme 3-4 verk (avhengig av lengd og vanskegrad) og om lag 50 sider teori og 50 sider sekundærlitteratur i tilknytning til sær oppgåva.

### Alternativ 1: Realismar

Ein førrealistisk roman: Camilla Colletts *Amtmandens Døttre* eller Bjørnstjerne Bjørnsons *Synnøve Solbakken*.  
Ein realistisk roman frå tida før 1900 av Alexander Kielland, Jonas Lie eller Arne Garborg.  
Ein modernistisk roman, t.d. av Gunnar Larsen, Aksel Sandemose, Alfred Hauge, Finn Carling, Bergliot Hobæk Haff, Dag Solstad, Kjartan Fløgstad, Cecilie Løveid, Liv Køltzow, Jan Kjærstad, Jon Fosse, Lars Amund Vaage, Mari Osmundsen, Hanne Ørstavik.  
Eit utval noveller på om lag 100 sider.

### Alternativ 2: Dramatikk frå Ibsen til notida

Henrik Ibsen: *Peer Gynt* og *Fruen fra havet*  
Gunnar Heiberg: *Tante Ulrikke*  
Helge Krog: *Opbrudd*  
Aslaug Vaa: *Steinguden*  
Jens Bjørneboe: *Fuglelskerne*  
Cecilie Løveid: *Måkespisere*  
Jon Fosse: *Nokon kjem til å komme*

### Alternativ 3: Den nynorske lyriske tradisjonen

Ivar Aasen: *Symra*  
Arne Garborg: *Haugtussa* (utval)  
Olav Nygard og Olav Aukrust (utval)  
Aslaug Vaa: *Skuggen og strendan*  
Olav H. Hauge: *Spør vinden*  
Eldrid Lunden og Paal-Helge Haugen (utval)

## MODUL NOG04: TEKST OG KULTUR

Denne modulen gir ei fordjuping i ein periode, der ein arbeider med litteraturen i ein kulturell samanheng. Kva periode som blir vald, kan variere.

### Perioden 1870 - 1900 (døme)

## A. KJERNEPENSUM

### Litteraturhistorie

Per Thomas Andersen: *Norsk litteraturhistorie*. Oslo 2001. (Grunnbok. Pensum også i Modul 2).

Inger-Lise Hjordt-Vetlesen: "Modernitetens kvindelige tekst. Det moderne gennembrud i Norden". *Nordisk kvindelitteraturhistorie*. Bind II: *Faderhuset*. Kbh. 1993:330-353.

Irene Iversen: "Når driften truer. En norsk kvindelig offentlighed vokser frem". *Faderhuset*. Bd. 2:419-455.

Irene Engelstad: "Naturalismen og heslighetens estetik", "Desillusjonsromanen". *Norsk*

*kvinnelitteraturhistorie*. Bind 1. Oslo 1988:197-210.

### **Teori**

Jonathan Culler: *Literary Theory. A Very Short Introduction*, Oxford 1997.

Gerhard Haas: "Essayets særmerke og topoi". Ottar Grepstad ofl: *Essayet i Norge*. Oslo 1982:229-239.

### **Tekstar**

Henrik Ibsen: Peer Gynt, Vildanden, Hedda Gabler

Jonas Lie: Kommandørens døtre eller Troid

J.P. Jacobsen: *Niels Lyhne*

Amalie Skram: Forraadt eller Professor Hieronimus

August Strindberg: *Fröken Julie*

Camilla Collett: "Kvinden i Literaturen. Indledning"

Bjørnstjerne Bjørnson: "[Romantik og Maalstræv]"

Arne Garborg: "Hanna Winsnes' kokebog"

Hulda Garborg: "Dagbogsblade fra Kolbotn 1887 -88 (utdrag)

Hans Jæger: "Min Forsvarstale i Højesteret" (utdrag)

## **B. Særpensum**

### **Alternativ 1: Knut Hamsuns 90-talsdikting**

### **Alternativ 2: Litteratur og kjønn 1870 - 1900**

## **DIDAKTIKK OG FAGHISTORIE**

Det faghistoriske studiet tek opp det faglege og didaktiske grunnlaget for norskfaget. Ein ser nærare på fagtradisjonar, vitskapsforståing og språksyn. Samtidig jamfører ein norskfaget med andre fagområde og morsmålsfaget i dei nordiske landa.

Den didaktiske delen tek føre seg mål, innhald og arbeidsmetodar i norskfaget. Studentane skal slik vinne kunnskap og innsikt gjennom eit kritisk arbeid med språk og tekst.

Pensum:

Moslet, Inge (red.): *Norskdidaktikk. Ei grunnbok*. 2. utg., Oslo 2001, s. 9 - 41 og s. 195 - 386.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [NORSK \(NORDISK\) SPRÅK OG LITTERATUR - MELLOMFAGSTILLEGG](#)
  - [Mål](#)
  - [Opptakskrav](#)
  - [Oppbygging](#)
  - [Arbeidsmåtar](#)
  - [Eksamen og arbeidskrav](#)
  - [MODUL 201/2: SPRÅKKUNNSKAP \(15 studiepoeng\)](#)
    - [1. Nynorsk skriftkultur \(modul 201\)](#)
    - [2. Barne- og ungdomsspråk \(modul 202\)](#)
  - [MODUL 203: LITTERATURKUNNSKAP \(15 studiepoeng\)](#)
    - [Primærlitteratur](#)
    - [Sekundærlitteratur](#)

## NORSK (NORDISK) SPRÅK OG LITTERATUR - MELLOMFAGSTILLEGG

### MÅL

Mellomfagstillegget gir studenten høve til fordjuping i sentrale emne innanfor nordisk språk og litteratur.

### OPPTAKSKRAV

Studiet byggjer på fullført grunnfag/årseining (60 studiepoeng) i språk og litteratur og er normert til eitt semesters studium.

### OPPBYGGING

Mellomfagstillegget i norsk (nordisk) er sett saman av ein språkleg og ein litterær modul på 15 studiepoeng kvar. Undervisninga i mellomfagstillegget er lagd til haustsemesteret.

### ARBEIDSMÅTAR

Det blir lagt vekt på at studentane skal arbeide sjølvstendig. Studiet vekslar mellom ulike arbeidsformer: forelesingar, oppgåveskriving med individuell rettleiing og munnleg framføring.

### EKSAMEN OG ARBEIDSKRAV

Evalueringa heng nær saman med studentens sjølvstendige arbeid.

I kvar modul skal studenten:

- skrive ei **semesteroppgåve** på om lag 15 sider (om lag 2000 teikn pr. side). Studenten har krav på to individuelle rettleiingstimar
- halde eit **innlegg** på om lag 20 minutt
- gå opp til ein avsluttande **munleg eksamen**

Pensumliste for kvar modul skal vere innlevert seinast ein månad før fristen for innlevering av semesteroppgåva. Som allmenn regel gjeld at ein ikkje kan leggje opp tekstar som har vore lagde opp tidlegare til grunnfag eller tilsvarande studium.

På semesteroppgåva og munnleg eksamen blir det gitt gradert karakter (A - F). På innlegget blir det ikkje gitt gradert karakter, men det må vere godkjent av faglærar for at studenten skal få sensur på semesteroppgåva. Den skriftlege oppgåva utgjer to tredelar og munnleg eksamen ein tredel av karaktergrunnlaget.

Studentane kan velje målform i semesteroppgåva, men dei som tek begge mellomfagsmodulane, må nytte nynorsk i den eine semesteroppgåva og bokmål i den andre.

## **MODUL 201/2: SPRÅKKUNNSKAP (15 STUDIEPOENG)**

Kvart av dei to språklege emna som er oppførte nedanfor, utgjer 15 studiepoeng, som skal svare til om lag 750 pensumsider. Kvar student må velje eitt av dei to emna. Instituttet vil tilby undervisning og rettleiing i eitt språkleg emne kvart semester.

Framlegg til pensum i kvart emne vil bli utarbeidd og lagt fram for studentane når semesteret tek til.

### **1. Nynorsk skriftkultur (modul 201)**

Dette er eit studium av framveksten av skriftspråket som grunnlag for etableringa av ein skriftkultur i Noreg. Grunnlaget for studiet vil vere tekstproduksjonen (med særleg vekt på sakprosatextar) frå 1500 og fram til i dag. Det vert lagt vekt på å setje det nynorske skriftspråket inn i eit allment (europeisk) perspektiv.

### **2. Barne- og ungdomsspråk (modul 202)**

Her vil vi ta føre oss ulike sider ved språkutviklinga hos barn. Av aktuelle fordjupingsemne kan nemnast fonologi, morfologi, ordforråd, syntaks, semantikk, ikkje-verbal kommunikasjon, språkleg medvit, språket i bruk, språkvanskar, lese- og skriveutvikling, tospråklegdom.

## **MODUL 203: LITTERATURKUNNSKAP (15 STUDIEPOENG)**

I litteraturdelen får studenten høve til å fordjupe seg i ein periode eller eit litterært tema.

### **Primærlitteratur**

Pensum består av sju verk frå ein særskild temakrins eller eit avgrensa tidsrom. Eitt svensk og eitt dansk verk på originalspråket skal vere med. Eitt av dei norske verka kan bytast ut med eit islandsk verk i omsetjing. Ein forfattar kan vere representert med to verk. (Eitt verk svarar til ein roman, ei novellesamling, eit drama, ei diktsamling, eit utval prosa på om lag 120 sider, eit utval lyrikk på 40 sider.)

Minst to litterære sjangrar må vere representerte i pensum. Begge målformene skal vere med.

### **Sekundærlitteratur**

Studentane skal leggje opp eit pensum på til saman 350 sider som omfattar litteraturhistorie, litteraturkritikk og litteraturteori (pkt. 1 - 3 nedanfor). Samansetjinga og den innbyrdes vektlegginga av desse emna vil i nokon grad avhenge av periode og tekstpensum (sjå ovanfor). Ei liste over sekundærlitteratur og eit kompendium til intern bruk blir tilgjengeleg ved semesterstart.

#### **1. Litteraturhistorie**

Studenten skal leggje opp eit litteraturhistorisk pensum på 100-150 sider, som dekkjer den perioden og dei forfattarskapane som dei litterære tekstane under modul 6 er tekne frå. Dette utvalet kan veljast frå eitt eller fleire litteraturhistoriske verk.

#### **2. Litteraturkritikk**

Studenten skal leggje opp 100-150 sider artikkelstoff om dei skjønnlitterære verka. Ein del av artikkelstoffet kan vere samtidige bokmeldingar som gir eit bilete av den mottakinga pensumtekstane fekk i samtida.

#### **3. Litteraturteori**

Studenten skal leggje opp eit utval på om lag 100 sider litteraturteori. I utvalet skal både eldre og nyare litteraturvitskaplege retningar vere representerte.

Hautsemesteret 2002 blir det gitt tilbod om følgjande fordjupingsemne: *Livshistorier - individ og tekst i eit utval nyare nordisk litteratur*. Pensum i primærlitteratur er sett saman av forfatarbiografiar og biografiske romanar.



- [NORSK \(NORDISK\) STORFAG \(30 STUDIEPOENG\)](#)
  - [Mål](#)
  - [Opptakskrav](#)
  - [Arbeidsformer og arbeidskrav](#)
  - [Eksamen](#)
  - [Pensum](#)

## NORSK (NORDISK) STORFAG (30 STUDIEPOENG)

**NB:** Studieplanen for storfag er under revisjon. Ny plan blir klar i løpet av haustsemesteret.

### Mål

Ved å studere eit avgrensa emne innanfor norsk (nordisk) språk og/eller litteratur og gjennomføre eit prosjektarbeid i tilknytning til emnet skal studenten vinne djupare innsyn i faget og dessutan få øving i vitskapleg arbeidsmåte.

### Opptakskrav

Mellomfag i norsk/nordisk (90 studiepoeng).

### Arbeidsformer og arbeidskrav

#### *Semesteroppgåve*

Gjennom arbeidet med eit sjølvvalt prosjekt skal kandidaten tileigne seg grundige kunnskapar innanfor eit avgrensa språkleg og/eller litterært emne, og få trening i å planleggje og gjennomføre eit arbeid etter elementære vitskaplege metodar.

Kandidaten vel emne i samråd med ein rettleiar, men prosjektet skal godkjennast av fagseksjonen, som vurderer omfang, vanskegrad og relevans til faget.

#### *Individuell rettleiing*

Kandidaten vil få individuell rettleiing gjennom heile semesteret.

Semesteroppgåva skal vere på 30-60 maskinskrivne sider. Kandidaten vel sjølv målform.

### Eksamen

På ein fastsett dato i slutten av semesteret leverer kandidaten semesteroppgåva si til evaluering. I samband med sensuren blir det munnleg prøve i det pensumområdet som prosjektet er knytt til. Den munnlege prøva og evalueringa av semesteroppgåva skal munne ut i ein felles bokstavkarakter (A - F).

### Pensum

#### *Tekstpensum/teoretisk pensum:*

Samansetjinga av tekstpensum/det teoretiske pensumet vil vere avhengig av emnet for semesteroppgåva. Pensum blir sett opp i samarbeid mellom kandidaten og fagseksjonen, som godkjenner pensum i kvart einskilt tilfelle. Pensumet er todelt. I tillegg til den mest sentrale sekundærlitteraturen som er nytta i oppgåva, skal kandidaten legge opp 200-400 sider, avhengig av emnet for oppgåva.

Studiet av pensumet skal gi kandidaten omfattande bakgrunnskunnskapar og føre kandidaten inn i grunnleggjande



problemstillinger og vitenskapelig diskusjon i det emneområdet som prosjektet knytter seg til.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen

**HØGSKULEN I VOLDA**

T:70 07 50 00 | F:70 07 50 51 | P.B.500 | 6101 VOLDA

Student Fag-  
kontoret planar

- [NORSK SPRÅK OG SAMFUNNSKUNNSKAP FOR UTANLANDSKE STUDENTAR \(NUS\), 60 stp \(20vt\)](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
    - [Norsk språk](#)
    - [Norsk samfunnskunnskap](#)
    - [Særøppgåve](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)

## NORSK SPRÅK OG SAMFUNNSKUNNSKAP FOR UTANLANDSKE STUDENTAR (NUS), 60 studiepoeng

Greidd eksamen ved studiet for utanlandske studentar gir 60 studiepoeng i eit samla høgskule- eller universitetsstudium.

### OPPTAKSKRAV

Søkjaren må fylle dei allmenne opptakskrava ved ein høgskule. For somme land inneber dette vidaregåande skule og 1-2 års universitetsutdanning. Det blir ikkje kravd TOEFL-test i engelsk, men søkjaren må kunne dokumentere engelskkunnskapar minst på same nivå som på grunnkurs ved vidaregåande skular i Noreg. Det blir ikkje kravd norskkunnskapar for å bli oppteken til NUS.

### MÅL

Studiet skal gi studentane tilstrekkeleg kunnskap og dugleik til å kunne studere ved norske høgskular og universitet. Det blir lagt vekt på å gi studentane gode allmennkunnskapar i norsk språk. Studiet skal også gjere det lettare for studentane å finne seg til rette i det norske samfunnet.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Undervisninga er på 13-15 veketimar kvart semester. Det er obligatorisk framm øte til undervisninga. Studentar som har vore borte frå undervisninga meir enn ein firedel, får ikkje høve til å gå opp til eksamen. Undervisningsforma vil veksle mellom forelesingar, gruppearbeid, øvingar i språklaboratorium og heimeøppgåver. Dei språklege øvingane vil vere tekstlesing, rollespel, samtalar og intervju, lytte-forståing, diktat, referat, grammatiske øvingar og essayskriving, tilpassa innhaldet i undervisninga og det faglege nivået hos studentane. Med jamne mellomrom blir det halde rettleiande prøver. Gjennom heile studiet skal studentane lese norske språktekstar, både intensivt og ekstensivt. Undervisningsmålet er bokmål, men studentane tek i andre semester eit obligatorisk kurs (på 8 til 10 timar) som omfattar språkhistorie, nynorsk og nokre norske dialektar. Under munnleg eksamen kan det stillast spørsmål frå dette opplegget eller frå eit kompendium med nynorsktekstar som høyrer til kurset.

### Arbeidskrav:

Kvar student skal samle alle prøver, heimearbeid, utkast og rettingar i ei mappe. Kva tekstar som skal vere med i mappa vert avgjort ved semesterstart haust og vår. Mappa vert evaluert med greidd/ikkje greidd. Studentar som ikkje får godkjend mappa si, får ein frist på 2 veker til å rette opp manglar.

Før jul vert det arrangert prøver i munnleg og skriftleg med intern sensur. Studentane får karakterar på desse, men dei skal vere rettleiande og ikkje telje med i sluttkarakteren. Det same gjeld for prøveeksamenar i skriftleg og munnleg i god tid før dei endelege eksamenane.

## INNHALD

Studiet er samla om to fagområde: norsk språk og norsk samfunnskunnskap. Under studiet skal desse fagområda mest mogleg sjåast i samanheng. Hovudvekta blir lagd på norsk språk, særleg praktisk språkdugleik.

### Norsk språk

Undervisninga i norsk språk skal gjere studentane skikka til

- å lese og forstå tekstar frå vår tid, skjønnlitteratur, sakprosa og fagprosa
- forstå forelesingar på norsk i eige fagområde og kunne ta forelesingsnotat
- samtale om daglegdagse emne og om emne frå eige fagområde
- uttale norsk rimeleg korrekt med rett intonasjon
- uttrykkje seg skriftleg på norsk utan grove feil
- lese tekstar med normal fart.

I første delen av kurset blir hovudvekta lagd på fonetikk og grammatikk. Studentane får øving i å forstå talt orsk og lese lettare tekstar. Seinare blir det lagt meir vekt på ordkunnskap og på skriftleg bruk av språket.

### Norsk samfunnskunnskap

Undervisninga i norsk samfunnskunnskap skal gi studentane den allmenne orienteringa dei treng når dei skal gå i gang med sine fagstudium. Dei skal også få eit innblikk i korleis det norske samfunnet er bygt opp, og korleis nordmenn lever.

Undervisninga i samfunnskunnskap har utgangspunkt i tekstlesing, og blir så vidt mogleg samordna med undervisninga i norsk språk.. Det blir lagt særleg vekt på å orientere om desse sidene ved norsk samfunnsliv:

- styringsform
- utdanningssystem
- næringsliv
- trygdesystem og sosial omsorg
- språksituasjonen
- religion
- likestillingsspørsmål
- inn- og utvandring
- samarbeid med utviklingsland.

### Særøppgåve

I det andre semesteret skriv studentane ei individuell særøppgåve med oppgitt emne og med tidsfrist på tre veker. Oppgåva skal leverast siste skuledagen før påske. Studentane får velje problemstilling i det fagfeltet som dei skal studere seinare. Studentane skal få fagleg og praktisk rettleiing under utarbeidinga av særøppgåva. Oppgåvesvaret skal vere på om lag 15 dataskrivne sider og skal stette formelle krav.

Særøppgåva er ein av tre eksamenar, med resultatet greidd/ikkje greidd etter intern sensur.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studiet blir avslutta med følgjande eksamensprø ver med ekstern sensur:

1. Individuell skriftleg eksamensprøve på 6 timar med oppgåver som dekkjer pensum i språk og samfunnskunnskap.
3. Munnleg prøve. Det vert stilt spørsmål om innhaldet i pensumtekstane (i litteratur, samfunnsfag, evt. språkhistorie og om termar frå særøppgåva).
4. Ei særøppgåve (sjå framanfor)

Når endeleg karakter blir fastsett, tel den skriftlege prøva to tredel og den munnlege prøva ein tredel av samla karakter. Særøppgåva og mappa er arbeidskrav som må oppfyllast før det vert gitt vitnemål.

Ved vurderinga av eksamensprøvene blir det brukt ein karakterskala frå A - F der E er sisteståkarakter. For å få opptak på fagstudium ved universitet eller høgskule i Noreg må den samla karakteren vere E eller betre. Studentar utan fast opphaldsløyve i Noreg har ikkje høve til å ta eksamen utover opphaldsdatoen i reisedokumenta (jf. § 3, punkt 7 i Forskrift om eksamen ved HVO).

## PENSUM

### **1. Eit grunnkurs i norsk som framandspråk**

Ellingsen/Mac Donald: *På vei* (tekstbok og arbeidsbok). Cappelen 1999.

Ellingsen/Mac Donald: *Stein på stein* (tekstbok og arbeidsbok). Cappelen 2000

### **2. Ein norsk grammatikk for utlendingar, t.d.:**

Mac Donald, Kirsti: *Norsk grammatikk for fremmedspråklige* (grunnbok og arbeidsbok). Cappelen 1999.

### **3. Fonetikk**

Strandskogen, Åse-Berit: *"Hva sier du?" Uttale øvelser i norsk*. Oris forlag 1989.

### **4. Samfunnskunnskap**

Ellingsen og Mac Donald: *Her på berget* (tekstbok og arbeidsbok). Cappelen 2002.

Ramma for pensum i norsk samfunnskunnskap er om lag 150 sider norske sakprosaetekstar som handlar om samfunns- og kulturliv i Noreg, særleg i vår tid. Tekstane kan hentast frå aviser, tidsskrift, og populærvitskaplege framstillingar i tillegg til læreverket.

### **5. Litteratur**

Gjernes og Arntzen: *Sirkel* (eit utdrag ved Pensumtenesten , 1998): eit utval på om lag 100 sider

#### **Andre arbeidsbøker:**

Mac Donald, Kirsti: *En gang til, strukturerte grammatikkøvinger for vidarekomne*. Cappelen 1993.

Strandskogen, Åse-Berit og Rolf: *Preposisjoner og partikler i norsk*. Oris forlag 1996.

#### **Hjelpelitteratur:**

Ragnvald Thaulé: *Escolas 1992* (Bokmål).

*Bokmålsordlista* (Universitetsforlaget)

*Nynorsk ordliste* (Samlaget)

*Norske synonymer* (Kunnskapsforlaget)

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [NORWEGIAN CULTURE STUDIES IN VOLDA](#)
  - [Course objectives](#)
  - [Course description](#)
  - [Evaluation](#)

## NORWEGIAN CULTURE STUDIES IN VOLDA

**Teaching language: English**

**30 (15+15) ECTS-credits**

**Level: undergraduate**

### COURSE OBJECTIVES

The course gives a broad outline of Norway's history and culture from the Viking era until the present day, with history, literature, and language teaching woven together to an integrated whole. The approach is cross-disciplinary, and will rely on three central perspectives in order to provide understanding of some main elements of Norway's history and culture, namely

Man and Nature

Gender, Power and Social Structures

Centre versus Periphery

### COURSE DESCRIPTION

This one semester (16 weeks) course aims to provide insight into the literature, history and language of Norway. It consists of two modules (8 weeks), the first one covering the period before ca 1890, and the second one from ca 1890 until today. Each module can be taken separately. The syllabus and lectures are in English.

In the first module (before ca 1890) the students will have a closer look at these topics:

The Viking society and the change of religion (from Norse paganism to Christianity)

The development of Norwegian place-, farm- and family name systems

The rise and fall of the Norwegian high medieval state

The Age of Enlightenment (18<sup>th</sup> century)

Nation-building and modernization in the 19<sup>th</sup> century

In the second module (ca 1890 to the present) the course will focus upon:

Industrialisation and urbanisation in the 20<sup>th</sup> century, and the rural reaction against those trends

The century of the labour movement

Cultural radicalism, secularisation and counter-forces

The Second World War

The oil age and Norway as «the out-of-step country»

### EVALUATION

Each module will be evaluated separately on the basis of a portfolio to be prepared by the student. The exact

portfolio requirements will be announced at the beginning of the course.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **MASTERGRAD I NYNORSK SKRIFTKULTUR (120 STUDIEPOENG)**

- [Organisering](#)
- [Innhald](#)
- [Innføringsemna \(fellesdel\)](#)
  - [Innføringsemne A: Nynorsk skriftkultur \(15 studiepoeng\) Undervisning i haustsemesteret 2002](#)
  - [Innføringsemne B: Vitskapsteori- og metode \(15 studiepoeng\)](#)
- [Valemna](#)
  - [Valemne 1: Målreisingar og språkplanlegging i komparativt perspektiv \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Valemne 2: Den nynorske teksten - om sjanger, institusjon og norm \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Valemne 3: Kollektive identitetar - om overnasjonale, nasjonale, regionale og lokale identitetsdanningar \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Valemne 4: Danning - om folkeopplysning, folkedanning og folkelege elitar \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Valemne 5: Nynorsk skriftmål - om norm og bruk \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Valemne 6: Kultur, identitet-nasjon, region\(teoripensum\) Historiemodul \(15 studiepoeng\)](#)
- [Vurdering og eksamen](#)
- [Pensumlistar](#)
  - [Emne A: Nynorsk skriftkultur:](#)
  - [Emne B: Vitskapsteori og metode](#)
  - [Valemne 1. Om språkplanlegging i komparativt perspektiv.](#)
  - [Valemne 5. Nynorsk skriftmål. Norm og bruk](#)

## MASTERGRAD I NYNORSK SKRIFTKULTUR (120 STUDIEPOENG)

Studiet tek opp skriftkulturen allment og brukar det nynorske som eksempel på korleis menneska har forma skrifta, og på korleis skrifta har forma dei.

HVO er den einaste institusjonen i landet som tilbyr eit mastergradsstudium i nynorsk skriftkultur.

### **Omfang**

Mastergraden er eit toårig studium tilsvarande 120 studiepoeng. Den skriftlege masteroppgåva vil stå sentralt, og ho utgjer 60 studiepoeng. Dei resterande 60 studiepoenga vil bli fordelte på to innføringsemne på 15 studiepoeng kvar, og to valemne på 15 studiepoeng kvar.

### **Målgruppe**

Mastergraden i nynorsk skriftkultur vil kunne gi undervisningskompetanse, avhengig av kva andre fag studenten har i fagkrinsen. Likevel skal ikkje mastergraden berre utdanne lærarar. Den vil også gi brei kulturkompetanse og kvalifisere for arbeid i fagstillingar ved museum, i offentleg og privat kultursektor, i kulturadministrasjon og ved kulturformidlingsinstitusjonar. Kulturinstitusjonar av typen Nynorsk kultursentrum, Det Norske Samlaget, NRK, forlaga, pressa og jamvel reiselivsverksemder, særleg i nynorskdistrikt, vil vere særleg aktuelle avtakarar av uteksaminerte kandidatar.

### **Opptakskrav**

Som hovudregel gir oppnådd cand.mag./bachelor- grad grunnlag for opptak til mastergraden. Søkjarar til

mastergraden må kunne dokumentere avslutta mellomfagseksamen/90 studiepoeng i eitt av følgjande fag eller tilgrensande fagområde:

Etnologi, filosofi, historie, idéhistorie, kulturvern og kulturformidling, lingvistik, litteraturvitskap, medievitskap, norsk/nordisk, pedagogikk, sosialantropologi, sosiologi, statsvitskap.

Studentar som har andre relevante fag eller utdanning på same nivå og av tilsvarende omfang, kan søkje Høgskulen i Volda om å få denne innpassa. Det vil bli utarbeidd retningsliner for innpassing av relevante storfag til studiet. Utdanning som ikkje er avslutta, vil ikkje bli godkjend.

### ***Studentopptak***

Vi tek opp maks. 10 studentar kvar haust.

Mastergraden i nynorsk skriftkultur går normalt over to studieår på full tid, men det vert lagt til rette for kandidatar som vil ta studiet over lengre tid.

## **ORGANISERING**

Det er lagt opp til 3 vekesamlingar pr.semester.

## **INNHALD**

### ***Eit tverrfagleg kulturstudium***

Studiet av nynorsk skriftkultur er eit kulturstudium.

Studiet formidlar innsikt i skriftkulturen generelt, og i den nynorske skriftkulturen særskilt.

Vi bruker ulike fagdisiplinar. Det kan vere språkvitskap, historie, litteraturvitskap, mediekunnskap, sosiologi, antropologi, filosofi og pedagogikk.

Ved å bruke desse disiplinane vil studentane også få innsikt i kva som karakteriserer deira måte å gripe verkelegheita på.

Kultur handlar om korleis menneska bli danna som sosiale individ i ulike fellesskapar. Det å lære og å bruke eit språk er ein sentral del av denne dannelsingsprosessen. Skriftspråket gjer visse kulturtradisjonar tilgjengelege for oss, og innvier oss i dei. Når vi sjølve bruker skriftspråket, vert vi aktørar i skriftkulturen. Såleis er vi med på å forme han.

### ***Komparativ profil***

Mastergraden i nynorsk skriftkultur er eit komparativt studium.

Dei meiningsberande elementa i den nynorske skriftkulturen vert først synlege i eit samanliknande perspektiv - når dei vert relaterte til andre skriftkulturar.

Det komparative perspektivet viser også kva som er allmenne trekk ved skriftinga, og kva som er spesifikt for nynorsken.

Det tverrfaglege og det komparative går hand i hand. Ein får eit nytt blikk på stoffet ved å sjå det ut frå fleire fagtradisjonar samtidig.

### ***Masteroppgåva***

Masteroppgåva tilsvarende halvparten av mastergradsstudiet og har eit omfang på 60 studiepoeng. Oppgåva skal vere eit sjølvstendig vitskapleg arbeid der kandidaten syner innsikt i relevante og aktuelle teoriar og metodar.

Studiet er lagt opp med tanke på at studentane skal kunne konsentrere seg om masteroppgåva. Dette vil dei kunne gjere ved Ivar Aasen-instituttet. Det kan likevel vere ønskeleg å opphalde seg i ein periode ved ein annan institusjon for å få eit anna perspektiv på studiet. Det er det høve til t.d. ved Nynorsk kultursentrum, etter nærmare avtale.

Ivar Aasen-instituttet samarbeider med ei rad institusjonar, nokre av desse er vi i nettverk med. Dersom dei ønskjer det, vil studentane kunne tilbringe tredje semesteret ved ein av partnerinstitusjonane våre i Noreg eller i utlandet.

Strukturen i studiet kan framstillast på denne måten:

	<b>Semester 1</b>	<b>Semester 2</b>	<b>Semester 3</b>	<b>Semester 4</b>
<b>INNFØRINGSEMNE A (15 studiepoeng)</b>	X			
<b>INNFØRINGSEMNE B (15 studiepoeng)</b>	X			



<b>VALEMNE A (15 studiepoeng)</b>	X		
<b>VALEMNE B (15 studiepoeng)</b>			X
<b>HOVUDOPPGÅVA (60 studiepoeng)</b>	X	X	X

Det vert her gitt ei kort innføring i dei ulike delane av studiefaget. For ei meir utførleg framstilling av innhaldet i innføringsemnet og dei ulike valemna, viser vi til studieplanen, som vil kunne skaffast frå Ivar Aasen-instituttet.

## **INNFØRINGSEMNA (FELLESEDEL)**

Fellesdelen skal gi ei innføring i nynorsk skriftkultur gjennom vitskapsteori, faghistorie og metode.

### **Innføringsemne A: Nynorsk skriftkultur (15 studiepoeng)**

#### **Undervisning i haustsemesteret 2002**

**Målet** med kurset er

- å gi eit oversyn over skriftkulturens teori og historie
- å gjere greie for nokre av dei viktigaste særdraga ved den nynorske skriftkulturen, sett i forhold til andre skriftkulturar.

#### **Kursomtale**

Den første delen av kurset handlar om korleis skrifta har vorte til ein sentral berar av kultur og identitet. Dette krev eit langt blikk bakover. Skrifta systematiserer talemålet, og språket -saman med kunsten - er artsspesifikke fenomen som gjer mennesket til menneske. Behovet for å skriftfeste lydane i språket melde seg etter at det voks fram relativt komplekse jordbrukssamfunn. Behovet for eit sosialt minne oversteig lagringskapasiteten til einskildmenneske, og skriftspråket som sosialt fenomen vart til. Menneska har brukt ulike system for å lagre språket i skrift, og desse systema har avfødt ulike ideologiar om kva skrifta er, og korleis ho kan brukast. Dermed tek vi eit komparativt blikk på både dei eldste skriftspråka, og på to av dei mest utbreidde ikkje-européiske skriftmåla i vår tid, japansk og arabisk. Det eine har vist seg utmerka godt i stand til å ta opp i seg krava til sosial og teknisk modernitet, mens denne prosessen i det andre tilfellet har vore langt vanskelegare.

Nynorsken representerer ei ekstrem form for språkleg og kulturell modernisering i européisk samanheng. Alle européiske skriftspråk har vorte utforma og prega av dei intellektuelle og deira sosiale stilling, men i det nynorske tilfellet er skriftspråket i uvanleg grad resultatet av verket til éin intellektuell og hans føresetnader. Gjennom heile historia til nynorsken har skriftspråket stått som ein utfordrar til ei anna, hegemonisk skriftform, noko som har prega både utforminga av nynorsken og nynorsken sine intellektuelle. For å forstå nynorsken må ein samtidig danne seg eit bilde av kven dei nynorske intellektuelle var og er, og kva interessefelt dei gjorde og gjer seg gjeldande på. Eitt av dei er ei eksemplarisk moderne språkplanlegging. Forholdet mellom dei nynorske intellektuelle og nynorskens brukarar er ikkje heilt enkelt; vi avsluttar med å undersøkje kva område i samfunnet nynorsken no gjer seg gjeldande på.

Dette kurset er obligatorisk for kandidatar som ikkje kan dokumentere tilsvarende kompetanse.

### **Innføringsemne B: Vitskapsteori- og metode (15 studiepoeng)**

#### **Undervisning i haustsemesteret 2002**

**Målet** med kurset er

- å gi ei innføring i ei rekkje sentrale vitskapsteoretiske omgrep, tradisjonar og posisjonar
- å ta opp til drøfting ulike metodar frå både humanistiske og samfunnsvitskaplege forskingstradisjonar

#### **Kursomtale**

Kurset tek utgangspunkt i at nynorsk skriftkultur er eit fagfelt der ein treng omgrep og analytiske reiskapar frå både samfunnsfaga og humaniora. Det er ei målsetjing med kurset at studentane skal setjast i stand til å kombinere metodar frå ulike fagtradisjonar i sitt eige arbeid framover.

I omgrepsdelen begynner ein med å ringe inn kva som er dei sentrale problemstillingane på fagfeltet, og å definere storleikane *kultur* og *skriftkultur*. Kultur er ein sosial prosess som har med produksjonen av identitet å gjere. *Kjønn*

er eit basalt element i all menneskeleg identitet, også språkbaserte identitetar. Til slutt i denne bolken tek vi opp kva den sosiale institusjonen er, altså korleis er det feltet der identitet vert skapt i samhandlingane mellom menneske?

I metodedelen vert hovudvekta lagt på *historiske, komparative og fortolkande* tradisjonar innanfor både humaniora og samfunnsvitskapane. Nynorsk skriftkultur er eit fagfelt som går ut frå språket og skrifta, og som ser på desse fenomen i deira sosiale samanheng. Språket, skrifta og kulturen står fram her som produserte og ikkje naturgitte storleikar. I nyare tid, gjennom mesteparten av 1900-talet, har språket og dei strukturalistiske tilnærmingane til språket, gjennomsyra humanvitskapen på ei lang rekkje felt. Det er særleg aktuelt å ta opp den s.k. språklege vendinga i humanvitskapen i denne samanhengen. Ho har danna skule innanfor sosialantropologien, som alle kulturstudium er inspirerte av, og ikkje minst innanfor tekstvitskapen, som er endepunktet for dette kurset.

Dette kurset er obligatorisk for kandidatar som ikkje kan dokumentere tilsvarande kompetanse.

### **Allment for fellesemna**

Føremålet med fellesemnet er å studere kulturell modernisering og institusjonalisering gjennom eit kulturperspektiv, eit historisk perspektiv, eit komparativt perspektiv, eit politisk og eit normativt perspektiv, i høve til den nynorske skriftkulturen.

## **VALEMNA**

Kvar student skal velje to valemne, kvart på 15 studiepoeng.

For å gi studentane høve til å velje emne etter bakgrunn og interesse, tilbyr vi fem valemne. Desse har tverrfagleg karakter. Det vil bli undervist i *Nynorsk skriftmål: Norm og bruk* kvart år. Dei andre valemna vil veksle frå år til år, slik at vi underviser i to av dei om gongen.

Kva valemne det skal undervisast i, skal avtalast mellom Ivar Aasen-instituttet og studentane.

### **Valemne 1: Målreisingar og språkplanlegging i komparativt perspektiv (15 studiepoeng)**

Undervisning i vårsemesteret 2003

**Målet** med kurset er å studere det nynorske språket

- i lys av nasjonsbyggingsprosessane i Europa frå renessansen til i dag
- som språkreform basert på Ivar Aasens vitskaplege arbeid
- som politisk styrt språkplanlegging
- i lys av normeringstradisjonar og målreisingsrørsler i internasjonalt og komparativt perspektiv

### **Kursomtale**

Grunnlaget for Ivar Aasen si språkreform ligg i ei førestelling om at eit felles nasjonalt skriftspråk kunne skapast med bakgrunn i dei eksisterande talespråka. Det metodiske grepet var at det låg noko felles og allment bak talevariasjonen, og at skriftmålet skulle vere samnemnar eller mønsterform for dialektane.

Føresetnader for det nynorske språket ligg i den europeiske sam-funns- og kulturutviklinga. Sjølve idéen om nasjonale skriftspråk går attende til renessansen og kan følgjast som del av nasjonsbyggings-prosessane i Europa fram mot vår tid. Utviklinga av språkvitskapen på 1700- og 1800-talet gjorde det mogleg å etablere ein annan normerings-tradisjon enn den som låg til grunn for dei eksisterande kulturspråka i Europa. Derfor kan etableringa av det nynorske skriftspråket studerast som ein særeigen måte å skriftfeste talespråket på.

Det har vore tradisjon å jamføre nynorsk og Ivar Aasen med mål-reisingar i Aust-Europa. I vårt eige land vil det å jamføre nynorsk med samisk kunne gi interessante perspektiv på t.d. identitet og språket si rolle i nasjonsbyggingsprosessen. Det vil også vere av interesse å jamføre nynorsk med mindretalsmål (som t.d. svensk i Finland og walisisk i Wales) eller med regionalmål (som t.d. katalansk). I vår tid kan det òg vere interessant å studere kva som skjer i post-koloniale statar, med omsyn til språk-planlegging og målreising.

Komparative perspektiv på ulike normeringstradisjonar og ulike mål-reisingsrørsler vil stå sentralt. Når det gjeld normeringstradisjonar finst det ulike modellar både med og utan offentlege normeringsorganisasjonar.

### **Valemne 2: Den nynorske teksten - om sjanger, institusjon og norm (15 studiepoeng)**

**Målet** med kurset er å arbeide med nynorske fiksjonstekstar og nynorsk sakprosa slik at deltakarane får forståing

- for dei institusjonelle vilkåra for skrivning, distribusjon og lesing av tekstane
- for dei motsetningsfylte historiske kontekstane dei går inn i
- for dei kultur- og språkpolitiske vala dei gir uttrykk for
- for det fleirtydige ved dei, estetisk, sjangermessig og ideologisk

Ein føresetnad for at det nynorske skriftmålet kunne slå igjennom i konkurranse mot det danske skriftmålet, var at det fanst tekstar på det nye språket. Dette språket har alltid stått i eit meir eller mindre spenningsfylt forhold til eit anna skriftmål i dette landet, og det andre skriftmålet har heile tida vore hegeemonisk. Men kan ein dermed slutte at det finst særdrag ved den nynorske teksten som direkte spring ut av forholdet til bokmålet? Dette er det første, grunnleggjande spørsmålet dette emnet tek opp.

For at dei nynorske tekstane kunne slå igjennom, trongst det institusjonar, og den første nynorske institusjonen var nettopp eit forlag, Det Norske Samlaget. Den andre sentrale nynorske institusjonen har vore teateret, både Det Norske Teatret i hovudstaden, og den aktive amatørteaterørsla i bygd og by. Her har ein reindyrka det normerte nynorske talemålet, slik ein også seinare har gjort i etermedia. Desse institusjonane har langt på veg skapt vilkåra for bruken av nynorsken som skriftmål. Normert tale på nynorsk har vore tekstbasert.

Nynorsken kan brukast til alt, både til fiksjonslitteratur og sakprosa. Første delen av kurset tek opp nynorske lyriske tekstar. Nynorsken gjer seg så godt i dikt, heiter det stadig vekk. Stemmer dette, og i så fall, korfor, eller korfor ikkje? Ligg det særlege forhold til rette for at ein gjerne vil tru at nynorsken gjer seg godt som lyrisk språk? Og kor ligg årsaka til at den modernistiske lyrikken i Noreg har vore så sterkt prega av nynorskskrivande diktarar?

I sakprosadelen av kurset tek ein opp til drøfting ulike sjantrar. Nynorsk sakprosa vitnar om eit mangslunge og mangfasettert skriftliv, som ikkje kan forståast gjennom nokon monolittisk nynorsk «identitet», men som likevel har visse situasjonsbetinga fellestrekk. Korvidt kan det tenkjast at det faktisk finst eit eige metaskriftleg medvit som bind nynorsktekstane saman?

### **Valemnne 3: Kollektive identitetar - om overnasjonale, nasjonale, regionale og lokale identitetsdanningar (15 studiepoeng)**

**Målet** med kurset er

- å gi ei innføring i sentrale aspekt ved identitetsomgrepet
- å forstå fleiridentiteten («multiidentitet»)
- å gi ei innføring i relasjonen mellom språk og identitet
- å drøfte nynorsk som identitetssymbol

Identitet er eit spørsmål om korleis menneska oppfattar seg sjølve og kvarandre. Identiteten er samansett og kan mellom anna knytast til familie, ætt, heimstad, kjønn, klasse, utdanning, forbruk, religion, etnisk gruppe, nasjon, region og språk. Ein person har altså mange overlappende identitetar, og dei vil variere i styrke og elles endre seg gjennom livssyklusen. Ulike identitetar vil også ha ulik kraft i ulike historiske epokar og i ulike kulturar. Føremålet med dette emnet er å studere oppkomsten og funksjonen til kollektive identitetar der m.a. språk er eitt av dei viktigaste elementa.

Emnet byrjar med at vi tek opp dei sosiale, psykologiske og filosofiske implikasjonane ved identitet. Må identitet alltid forståast kvalitativt, eller kan det også vere snakk om mykje eller lite identitet? Kva følger får det om vi har feil mengd med identitet i høve til ein bestemt situasjon? Elles i første delen tek vi utgangspunkt i identitetar som er knytte til ein rommetafor, frå dei universelle og religiøse identitetane, nedover gjennom nasjonen og staten til regionen og lokaliteten. Vi skal sjå korleis den eine typen identitet i visse historiske situasjonar avløyste den andre, og stundom også forsterka den. Det overordna perspektivet her er korleis språket i ulike samanhengar er knytt til identitetsskapingssprosessane.

Vi held fram me å sjå på identitetar som stundom har stått i eit antagonistisk forhold til dei territoriale, klasse og kjønn. Her vert fellesskapen utover etniske grenser særskilt framheva. Også dei såkalla motkulturelle identitetane har stått i opposisjon til andre, rådande identitetar. Dei har uthola førestillinga om ein offisiell, autorisert, obligatorisk og aksiomatisk identitet. Vi avsluttar med å sjå på ein kollektiv identitet som utkrystalliserer mange av dei problemstillingane emnet tek opp, den baskiske. Denne konfliktfylte identiteten vil på mange område stå som eit moteksempel til den nynorske, som emnet elles går ut frå.

**Valemne 4: Danning - om folkeopplysning, folkedanning og folkelege elitar (15 studiepoeng)**

**Målet** med dette emnet er å studere

- idéhistorisk bakgrunn og samfunnsmessige føresetnader for opplysningsverksemd og danning
- vilkåra for utdanning og nynorsk danning innanfor dette systemet
- framveksten av kunnskaps- og lærdomskulturar i samband med det nynorske prosjektet

Kursomtale for valemne 4 er under utarbeiding.

**Valemne 5: Nynorsk skriftmål - om norm og bruk (15 studiepoeng)**

Undervisning i vårsemesteret 2003

**Målet** med dette emnet er

- å gi ei innføring i premissane for den nynorske norma
- å gi øving i og refleksjon kring eigen språkbruk
- å drøfte måtar å formidle nynorskkunnskapar på i skulen.

Nynorsk skriftmål, likeins som alle andre skriftspråk, har ei grunngeving for *at* det finst, og ei oppslutning frå samfunnsgrupper som gjer språket til eit kulturelt objekt med eigne verdiar og spesielle eigenskapar. Som produkt av ei politisk folkerørsla har nynorsken endatil utvikla tydelege grunn-givingar. Dessutan har dette språket meir enn mange andre språk utvikla ein ideologi for *korleis* strukturen i språket skal sjå ut. Slik har det vore frå den første nynorskversjonen som Ivar Aasen skapte i 1853, og til den som Språkrådet har arbeidd med dei siste åra.

I dette kurset blir det lagt vekt på å drøfte dei språklege og sosiale premissane for den nynorske språknorma, og korleis premissane og norma har endra seg fram til i dag. I utgangspunktet spela det historiske perspektivet og særdraga i norsk talemål ei viktig rolle, seinare da nynorsken hadde fått ei visst bruksomfang, kunne også den etablerte skriftradisjonen bli brukt som eit grunnlag for normering.

I kurset skal ein òg arbeide med sjølve normomgrepet og studere korleis normer alltid er del av ein prosess.

I valemnet går det inn øvingar i å skrive tekstar på nynorsk og å vurdere andre sine tekstar. Desse øvingane blir kopla til refleksjon kring ideologiar og normprosessar.

Nynorsken står i ein vanskeleg situasjon når han skal formidlast i skoleverket: Samtidig som han er samnemnar for talemålet i heile landet, er han eit mindre brukt språk enn bokmålet i skriftsamfunnet, og ein del holdningar til nynorsk verkar som lærebarrierar. Dei verkar utfordrande for læringa av nynorsk, særleg som sidemål. Derfor skal også fagdidaktiske spørsmål takast opp i dette valemnet.

**Valemne 6: Kultur, identitet-nasjon, region(teoripensum) Historiemodul (15 studiepoeng)**

For nærare informasjon : <http://www.hivolda.no/ahf/historie/histinst.htm>

--> Info om studieåret 2002-03 --> Revidert plan for studieåret 2002-03 --> HISTORIE STORFAG, 10 VEKTTAL (direkte lenke: [http://www.hivolda.no/ahf/historie/Studieaar\\_02-03/Studieplan%2002-03.htm#\\_Toc6376053](http://www.hivolda.no/ahf/historie/Studieaar_02-03/Studieplan%2002-03.htm#_Toc6376053))

**VURDERING OG EKSAMEN**

Eksamen er tredelt

- 4 timars skriftleg individuell eksamen i kvart innføringsemne
- mappeevaluering i kvart valemne
- masteroppgåva med munnleg eksamen
- prøvoførelsesing på 45 minutt kombinert med munnleg eksamen

Heiltidsstudentar vert automatiske melde opp til eksamen.

Kandidatane må stå i alle delar av vurderinga for å kunne få graden.

Vekting skal følgje poengfordelinga.

Studentane må ha stått i begge innføringsemna, eller ha fått dispensasjon frå desse for å kunne gå vidare.

Masteroppgåva tel som halvparten av den samla karakteren, og vert evaluert særskilt.

Det vert nytta bokstavkarakterar frå A (A er beste karakter) til F (E er siste ståkarakter).

## **Vitnemål og karakterutskrift**

Modulane på 15 studiepoeng som inngår i mastergraden i nynorsk skriftkultur, kan gjennomførast uavhengig av sjølve graden. Kvar einskild modul, med unntak av masteroppgåva, er frittstående studietilbod på 15 studiepoeng. Studentane kan få karakterutskrift for kvar gjennomført og stått modul. For dei som har gjennomført og bestått nødvendige modular som inngår i graden vil det bli utskrive eit eige vitnemål som gir rett til å bruke nemninga master i nynorsk skriftkultur.

## **PENSUMLISTER**

### **Emne A: Nynorsk skriftkultur:**

#### ***Skriftkulturens teori og historie***

Bauman, Zygmunt, 1995 [1987]: *Legislators and Interpreters*, Cambridge, 1-7, 21-50, 68-148 [tema 6]  
 Christensen, Dan Chr. 1996. *The Modern Project, Det moderne prosjekt*. København, 791- 828 [tema 5]  
 Foucault, Michel, 1999: *Diskursens orden*, Oslo (utdrag ca 20 s.)  
 Goody, Jack, 1986: *The Logic of Writing and the Organisation of Society*, Cambridge (utdrag 50 s.) [tema 5]

Habermas, Jürgen, 1999: *Handler, talehandler, språklig formidlet samhandling og livsverden, Kraften i de bedre argumenter*, Oslo, 137-171 [tema 5]

Hansen, Tomoko, u.å.: *Japansk* [tema 3]

Janson, Tore, 1997: *Språken och historien*, Sth., 1-23 [tema 1]

Leakey, Richard, 1994: *The Origin of Mankind*, London, 79-138 [tema 1]

Lindhardt, Jan, 1989: *Skriftlig uttryksform og kultur, Tale og skrift - to kulturer*, Kbh., 51-79 [tema 5]

Nettle, David & Suzanne Romaine, 2000: *The Extinction of the World's Languages*, Oxford, 99-125 [tema 1]

Olson, David R., 1998 [1994]: *The World on Paper*, Cambridge, 20-44; 257-282 [tema 5]

Oxtenham, John, 1980: *Literacy: Writing, Reading and Social Organisation*, London, (utdrag 50 s.) [tema 5]

Time, Sveinung, 1997: *Språk - tekst - identitet*, Sveinung Time (red.): *Om kulturell identitet. Ei essaysamling*, Bergen, 173-224 [tema 5]

#### ***Nynorsk skriftkulturs teori og historie***

Bjørhusdal, Eli, 2001: *Målkvinner før 1900*, Volda (utdrag 50 s.) [tema 10]

Furre, Berge, 1966: *Målprogram og samfunnsutvikling*, Brenne, J./O. Nordland/P. Stavand (red.): *Målsak og framtidssamfunn*, Oslo, 55-66 [tema 12]

Garborg, Arne, 1877: *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse*, Kra./Kbh., 22-124 [tema 11]

Grepstad, Ottar, 1998: *Nynorsk faktabok*, Oslo [tema 13]

Haugen, Einar, 1965: *Construction and Reconstruction in Language Planning: Ivar Aasen's Grammar*, *Word*, 21, 188-207 [tema 12]

Haugen, Einar, 1969: *Riksspråk og folkemål*, Oslo, 1-21 [tema 12]

Indrebø, Gustav, 1951: *Norsk Målsoga*, Bergen, 383-458 [tema 12]

Indrebø, Gustav, 1976: *Kva er målreising?*, Bergen, 40-71 [tema 12]

Midttun, Olav, 1968 [1953]: *Mål og menn*, Oslo, 35-43, 72-86, 106-127 [43 s.] [tema 9]

Midttun, Olav, 1963: *Menn og bøker*, Oslo, 82-287 [utdrag på til saman 20 s.] [tema 9]

Midttun, Olav, 1968 [1953]: *Mål og menn*, Oslo, 128-273 [utdrag på til saman 20 s.] [tema 9]

Nyrnes, Aslaug, 1985: *Det (ny)norske mennesket*, Oslo [utdrag på til saman 20 s.] [tema 9]

Skard, Sigmund, 1963: *Målstrid og massekultur*, Oslo (94 s) [tema 9]

Vandvik, Erik, 1950: *Frå folkemål til kulturmål, Norsk folkemål*, Oslo, 277-280 [tema 12]

Venås, Kjell, 1981: *Frå folkemål til skriftmål, Olaf Almenningen et al (red.): Målstrid i 75 år*, Oslo, 313-349 [tema 12]

Walton, Stephen J., 1996: *Ivar Aasens kropp*, Oslo [utdrag på tilsaman 50 s.] [tema 8]

- Aasen, Ivar, 1846-47: Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik [1845], *Det kongelige Norske Videnskabers-Selskabs Skrifter i det 19de Aarhundrede*, Trh., IV, 55-96 [41 s.] [tema 8]  
 ----- 1911-12: Om vort Skriftsprog, *Skrifter i samling*, red. Knut Liestøl, Kra./Kbh., III, 7-11 [5 s.] [tema 8]  
 ----- 1917 [1854]: Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform, *Maal og Minne*, 7, 4-21 [17 s.] [tema 8]  
 ----- 1918 [1873]: Fortale, *Norsk Ordbog*, vii-xviii [11 s.] [tema 8]  
 ----- 1954 [1885]: *Bidrag til vort Folks Historie*, red. Reidar Djupedal, Oslo [tema 8]

## Emne B. Vitskapsteori og metode

### Omgrep

Anderson, Benedict, 1996: Introduksjon, Kulturelle røtter, Den nasjonale bevissthetens kilder, *Forestilte fellesskap*, Oslo, 15-56 [tema 3]

Aristoteles, 1991: *Retorik*, Kbh., Bog 1 [tema 1]

Bourdieu, Pierre, 1995: *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*, Oslo (utval ca. 50 s.)  
 Bourdieu, Pierre, 2000: "Et forstørret bilde". Kapittel I i Bordieu: *Den maskuline dominans*, Oslo, 13-62 (50 s.) [tema 4]

Burgess, J. Peter, 2000: "Identitet og mangfold: Det europeiske, det skandinaviske, det norske", *Den europeiske identiteten og den skandinaviske*, Volda [tema 3]

Cassierer, Ernst, 1994: *Kulturvitenskapenes logikk*, Oslo 152 s.) [tema 1]

Elias, Norbert, 1989: Om den sociala oppkomsten av skilnaden mellan 'Kultur' och 'Zivilisation' i tysk språkbruk, *Sedarnas historie*, Sth., 87-119 [tema 2]

Eriksen, Thomas Hylland, 1997: Language in Identity Politics, U. Røyneland (red.): *Language Contact and Language Conflict*, 25-52 [tema 3]

Featherstone, Mike, 1990: Global Culture: An Introduction, I: M. Featherstone (red.): *Global Culture. Nationalism, globalization and modernity*, London, 1-15 [tema 3]

Fink, Hans, 1988: Et hyperkomplekst begrep. Kultur, kulturbegreb og kulturel relativisme, H. Hauge og H. Horstbøll (red.): *Kulturbegrebets kulturhistorie*, Aarhus, 9-23 [tema 2]

Geertz, Clifford, 1993: Thick Description: Toward an Interpretive Theory of Culture, *The Interpretation of Cultures. Selected Essays*, London, 3-30 [tema 2]

Habermas, Jürgen, 1971: *Borgerlig offentlighet*, Oslo, 1-52; 131-168 [tema 6]

Habermas, Jürgen, 1999: Borgerlig offentlighet - et tilbakeblikk, *Kraften i de bedre argumenter*, Oslo, 79-112 [tema 6]

Habermas, Jürgen, 1996: Modernity: An Unfinished Project, M. P. D'Entrèves og S. Benhabib (red.): *Habermas and the unfinished project of modernity*, Cambridge, 38-55 [tema 6]

Hall, Stuart, 1980: Cultural Studies: two paradigms, *Media, Culture and Society*, 2, 57-72 [tema 2]

Hall, Stuart, 1996: Introduction. Who Needs 'Identity'?, S. Hall & P. du Gay (red.): *Questions of Cultural Identity*, London, 1-18 [tema 3]

Hellesnes, Jon, 1988: Den galne grisen hans Lars Liabø og dei tre verdene hans Jürgen Habermas eller om formalpragmatikkens grunnlag, *Hermeneutikk og kultur*, Oslo, 83-97 [tema 1]

Jameson, Fredric, 1993: On "Cultural Studies", *Social Text*, 34, 17-52 [tema 1]

Mead, G. H., 1998: *Å ta andres perspektiv*, red. Sveinung Vaage, Oslo, 113-138; 211- 218 [tema 6]

Moi, Toril, 1998: Biologi og sosiale normer, *Hva er en kvinne? Kropp og kjønn i feministisk teori*, Oslo, 27-40 [tema 4]

Moi, Toril, 2000: Å tilegne seg Bourdieu. Feministisk teori og Pierre Bourdieus kultursosiologi, Irene Iversen (red.): *Feministisk litteraturteori*, Oslo, 252-279 [tema 4]

Skjervheim, Hans, 1976: *Deltakar og tilskodar og andre essays*, Oslo, 51-72; 260-171; 91-101 [tema 1]

Skirbekk, Gunnar, 1992: Krise i humaniora?, *Kulturell modernitet og vitskapleg rasjonalitet*, Bergen, s. 136-151 [tema 1]

Skirbekk, Gunnar, 1992: Kontekstpragmatikk og universalpragmatikk, *Kulturellmodernitet og vitskapleg rasjonalitet*, Bergen, 262-309 [tema 1]

- Skirbekk, Gunnar, 1998: *Modernitet - eit babelsk prosjekt?*, *Vit og vitskap*, Bergen, 12 - 27 [tema 1]  
 Skirbekk, Gunnar, 2002: *Modernitetens makt og avmakt, Vitskapsteoretiske perspektiv på kunnskap og makt*, rapportserien nr. 37 for Makt- og demokratiutgreiinga, 3-91 [tema 1]  
 Taylor, Charles, 1996 [1985]: *Philosophical Papers*, 1, iii, 213-292 [tema 1]

Williams, Raymond, 1988: *Culture, Keywords*, London, 87-93 [tema 2]

## Metode

- Alasuutari, Pertti, 1995: *Researching Culture. Qualitative Method and Cultural Studies*, London (199 s.) [tema 8]  
 Barth, Fredrik, 1978: Synkron komparasjon, *Syntese, analyse, komparasjon. Studier i historisk metode* 6, 19-33 [tema 11]  
 Bourdieu, Pierre, 1995: *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*, Oslo (utval ca. 50 s.) [tema 10]  
 Bourdieu, Pierre & Wacquant 1992: *An Invitation to Reflexive Sociology*. Del III 1-3 ("The Practice of a Reflexive Sociology"). (29s) [tema 10]  
 Dyrvik, Ståle, 1989: Komparasjon på regionnivå, *Kvar i sin dal...? Komparasjon som metode i lokalhistoriske studier*, 73-81 [tema 11]  
 Foddy, William 1993: "An initial statement of the problem", *Constructing questions for interviews and questionnaires*, Kapittel 1 (10s) [tema 8]  
 Grønmo, Sigmund 1996: "Forholdet mellom kvantitative og kvalitative metoder i samfunnsforskningen", Holter og Kalleberg (red.): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo (34 s) [tema 8]  
 Kjelstadli, K. 1988.: Nyttan av å sammenlikne, *Tidsskrift for samfunnsforskning* [tema 11]
- Kjeldstadli, Knut, 1999.: *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*, Oslo, kap. VII-X, XII-XIII, XV, XVII-XVIII (106 s.) [tema 9]

- Krogh, Thomas, m.fl., 1998: *Historie, forståelse og fortolkning. De historisk-filosofiske fags fremvekst og arbeidsmåter*, Oslo, kap. IV, VII-IX, (103 s.) [tema 9]  
 Lévi-Strauss, Claude, 1978: Mytens strukturer, A.. Heldal og A. Linneberg (red.): *Strukturalisme i litteraturvitenskapen*, Oslo, 254-277 [tema 13]  
 May, Tim 2001: "Social surveys: design to analysis", *Social Research*, Buckingham (31s) [tema 8]  
 Nicolaysen, Bjørn Kvalsvik, 1997: Forteljninga, kulturen, historia. Samtale med Paul Ric\_ur, *Omvegar fører lengst*, Oslo, 97- 158 [tema 13]  
 Rokkan, Stein, 1983: Sentrum og periferi, økonomi og kultur: modeller og data i kliometrisk sosiologi, *Studier i historisk metode 10*, Oslo, 26- 48 [tema 11]  
 Rokkan, Stein, 1987: Faser og mønstre i fremveksten av massepolitikk i Norden, *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*, Oslo, 239-264 [tema 10]  
 Seip, Jens Arup, 1975: Modellenes tyranni, *Studier i historisk metode*, X, 101-123 [tema 9]  
 Thagaard, Tove 1998: *Systematikk og innlevelse*. Kapittel 3-5, Bergen (59s)  
 de Vaus, D. A. 1996: "8. Overview of analysis", "9. Univariate analysis" og "10. Bivariate analysis: Crosstabulations", *Surveys in Social Research*, London (42 s.) [tema 10]  
 Østerberg, Dag:, 1993 [1986]: Metasosiologiske essay, *Fortolkende sosiologi*, I , 11-61 [tema 10]  
 Østerberg, Dag, 1997: Kultursosiologi - noen almenne spørsmålsstillinger, *Fortolkende sosiologi* II, 11-42 [tema 10]  
 Ågotnes, Knut, 1989: Komparasjon - metode eller oppdagelsesreise, *Kvar i sin dal...? Komparasjon som metode i lokalhistoriske studier*, 55-60 [tema 11]

## Valemne 1. Om språkplanlegging i komparativt perspektiv.

### A. Obligatorisk pensum

- Bauman, Zygmunt. 1998. *Globalization - the Human Consequences*. Cambridge. (S. 55-102.) [Tema 11.]  
 Birkeland, B. Og Kvalsvik, B. N. 1986. *Landsmålet alternativt riksspråk. Folkemål og danning*. Oslo. (69 - 115) [Tema 8.]  
 Gramstad, Sigve. 1996. *Minoritetsspråk i Europa: ein presentasjon*. Oslo. [139 s] [Tema 10, 13.]  
 Haugen, Einar. 1966. *Riksspråk og folkemål*. Oslo. (s. 22-265) [Tema 8.]  
 Hindley, Reg. 1990. *The Death of the Irish Language*. London. (S. 179-220.) [Tema 12.]  
 Koth, Halvdan. 1981a. *Målspørsmål no [1912]. Almenningen, O. (red.): Målpolitiske artiklar*. Oslo. (s. 84 - 91)

[Tema 8, 9.]

Koth, Halvdan. 1981a. Austlandsk og vestlandsk [1921]. Almenningen, O. (red.): Målpolitiske artiklar. Oslo. (s. 137 - 142) [Tema 8.]

Munch, P. A. 1975a. Anmeldelse. Det norske Folkesprogs Grammatik, af Ivar Aasen. [1848]. Myhren, M. (red.): Ei bok om Ivar Aasen. Oslo. (s. 24 - 39) [Tema 4.]

Munch, P. A. 1975a. Anmeldelse. Ordbog over det norske Folkesprog, af Ivar Aasen. [1850]. Myhren, M. (red.): Ei bok om Ivar Aasen. Oslo. (s. 39 - 49) [Tema 4, 5.]

Rytter, Olav. 1971. Slavisk målreising: Framvoksteren av dei moderne slaviske litteraturmåla. Oslo, 2. utg. (S. 7 - 42) [Tema 12.]

Storm, Johan. 1896. Landsmaalet. I Kraakemaal og Landsmaal. Chr.: 70 - 129. [Tema 5, 6.]

Aasen, Ivar. 1848. Fortale. Det norske Folkesprogs Grammatik. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, nr. 1. (s. 7 - 15) [Tema 5, 6.]

Aasen, Ivar. 1850. Fortale. Ordbog over det norske Folkesprog. (s. x - xx) [Tema 5, 6.]

Aasen, Ivar. 1864. Fortale. Norsk Grammatik. Christ. (s. VII - XXII) [Tema 5, 6.]

Aasen, Ivar. 1850. Fortale. Norsk Ordbog. Christ. (s. VII - XIV) [Tema 5, 6.]

Aasen, Ivar. 1885. Innleiing. Sunnmørsgrammatikken.[1841]. Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen (s. 59 - 60) [Tema 5.]

## **B. Tiltrådd litteratur**

Andreassen, Irene. 1992. Det finske målet på Nordkalotten med hovedvekt på Nord-Sverige og Nord-Noreg. Mål og makt 22, iii: 32-45. [Tema 4.]

Apelseth, Arne. 1992. Det europeiske i det nynorske: nokre sentrale utviklingsdrag på vegen mot eit nynorsk nasjonalspråk. Nerbøvik, Jostein (red.): Ivar Aasen-senteret: Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur. Volda: 46-62. [Tema 3, 12.]

Haugen, Einar. 1938. Norsk i Amerika. Oslo. [Tema 8.]

Nymark, Johannes. 1995. Språkleg mangfald i Noreg og i andre land: særleg om kampen for jamstelling i katalansk og nynorsk. Mål og makt 25, i: 27 - 40. [Tema 4.]

Omdal, Helge og Lars S. Vikør. 1996. Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk. Oslo. [193 s] [Tema 4.]

Rytter, Olav. 1971. Slavisk målreising: Framvoksteren av dei moderne slaviske litteraturmåla. Oslo, 2. utg. [145 s] [Tema 4.]

Sandøy, Helge. 1974. Eit språk i kamp: om færøysk målreising. Mål og makt 4, iii: 2-21. [Tema 4, 12.]

Steiner, George. 1975. After Babel. London. [Tema 12.]

Sundstrøm, Mats-Peter. 1983. Når kjem Ivar Aasen til Østerbotten?: målføre og høgspråk i Svenskfinland. Mål og makt 13, iv: 9 -25. [Tema 4.]

Ritzer, George. 1998. The McDonaldization Thesis. London/Thousand Oaks/New Delhi. (S. 71-94, 117-133.) [Tema 11.]

Ritzer, George. 2000. The McDonaldization of Society. Thousand Oaks/London/New Dehli. (S. 167-232.) [Tema 11.]

Vikør, Lars S. 1993. The Nordic Languages. Their Status and Interrelations. Oslo. [Tema 4, 13.]

Vikør, Lars S. 1994. Språkplanlegging. Oslo. [Tema 2, 4.]

Walton, Stephen J. 1992. Ivar Aasen i eit europeisk perspektiv. Nerbøvik, Jostein. 1992. Ivar Aasen-senteret: Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur. [Tema 3.]

Walton, Stephen J. 1999. Ny-Noreg møter Svensk-Finland Volda 44 s. [Tema 4.]

## **Valeme 5. Nynorsk skriftmål. Norm og bruk**

### **Obligatorisk litteratur**

Berg, Celia 1999. Valfridomen og eleven. Om korleis nokre elevar i vidaregåande skule opplever ein vid skriftnormal i praksis. I: Helge Omdal (red.): Språkbrukeren - fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm. (Forskningserien nr. 17. Høgskolen i Agder.) S. 45-60. Kristiansand. [16 s.] [Tema 9.]

Faarlund, Jan Terje 1998. Mellom det ønskjelege og det moglege: vitskapelege og politiske rammer for normering av ordtilfanget. I: Norsk språkråd: Ordtilfanget i nynorsk - synsmåtar og røynsler. (Norsk språkråds skrifter nr. 5.) S. 29-38. Oslo: Norsk språkråd. [10 s.] [Tema 5.]

Hanto, Kristian 1986. Ideologiar i norsk målreising. S. 5-108. Oslo: Novus. [104 s.] [Tema 4.]

Haugen, Einar 1969. Riksspråk og folkemål. S. 1-21, 68-82, 132-139, 203-213. Oslo: Universitetsforlaget. [55 s.] [Tema 3, 4.]

Haugen, Einar 1975. Konstruksjon og rekonstruksjon. I Magne Myhren (red.): Ei Bok om Ivar Aasen.



- Språkgranskaren og målreisaren. S. 159-183. Oslo: Det Norske Samlaget. [25 s.] [Tema 1.]
- Kjell Venås o.a. 1983. Tilråding om ordtilfanget i nynorsk. I: Arne Lauvhjell (red.): Heit strid om nynorsk. Dokument og meningar 1980-83. S. 15-49. Oslo: Det Norske Samlaget. [35 s.] [Tema 5.]
- Knudsen, Trygve [1963] 1975. Sprogforskeren Ivar Aasen. I Magne Myhren (red.): Ei bok om Ivar Aasen. Språkgranskaren og målreisaren. S. 202-221. Oslo: Det Norske Samlaget. [20 s.] [Tema 1.]
- Omdal, Helge & Lars S. Vikør 1996. Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk. S. 7-58, 107-179. Oslo: Cappelen. [120 s.] [Tema 8.]
- Sandøy, Helge 1999. Å styre valfridomen. I: Helge Omdal (red.): Språkbrukeren - fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm. (Forskningsserien nr. 17. Høgskolen i Agder.) S. 209-224. Kristiansand. [16 s.] [Tema 5.]
- Skjekkeland, Martin 1999. Tysk-danske lånord i nynorsk og i bygdemåla. Om ein frisk debatt - og om ei gransking av ordtilfanget i to bygdemål. (Forskningsserien nr. 16. Høgskolen i Agder.) S. 11-55. Kristiansand. [45 s.] [Tema 5.]
- Sommerfelt, Alf [1963] 1975. Eit litteraturspråk blir skapt. Ivar Aasens norske landsmål. I Magne Myhren (red.): Ei Bok om Ivar Aasen. Språkgranskaren og målreisaren. S. 144-158. Oslo: Det Norske Samlaget. [15 s.] [Tema 1.]
- Winstein, Brian (red.). 1990. Language Planning and Political Development. Norwood NJ. (S. 1-21.) [Tema 6.]
- Aasen, Ivar 1864. Om Landssproget. I: Norsk Grammatik. Kristiania. Utg. 1965: s. 333-361. [29 s.] [Tema 1.]

### ***Tilrådd litteratur***

- Cooper, Robert L. 1989. Language Planning and Social Change. Cambridge. (S. 99-163.) [Tema 6.]
- Hellevik, Alf 1971. Norsk på ny. Nynorsk. S. 132-147 (Ordtilfanget), 193-219 (Stilen og målføringa). Oslo: Det Norske Samlaget. [43 s.] [Tema 5.]
- Hægstad, Marius & Arne Garborg & R. Flo 1899. Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne. S. 1-9 (Framlegg), 66-95 (Ordendingar). Kristiania: Brøggers. [39 s.] [Tema 2.]
- Indrebø, Gustav [1937-39] 1975. Um rettskriving i nynorsk. I Magne Myhren (red.): Ei Bok om Ivar Aasen. Språkgranskaren og målreisaren. S. 117-129. Oslo: Det Norske Samlaget. [13 s.] [Tema 4.]
- Kirke- og undervisningsdepartementet 1917. Indstilling fra Rettskrivningskomiteen. S. 1-7 (Indledning), 50-51 & 61-64 (Substantivets bøningsformer), 65-67 (Verbalbønningen), 77-81 (Sprogprøver). [21 s.] [Tema 3.]
- Kirke- og undervisningsdepartementet 1935. Tilråding om ny rettskriving. Fra den departementale rettskrivningsnemnd av 1934. S. 5-8 (Innleiing), 48-50 (Verb). Stavanger. [7 s.] [Tema 4.]
- Lockertsen, Roger & Benthe Kolberg Jansson 1996. På godt nynorsk : nynorsk som sidemål for vidaregåande skole. Oslo: Det Norske Samlaget. [192 s.] [Tema 10.]
- Lorentsen, Geir o.a. 1981. Frå dialekt til nynorsk. Lærarmetodikk i nynorsk som sidemål. S. 7-12 og 55-76. Oslo: Det Norske Samlaget. [28 s.] [Tema 9.]
- Mørk, Vidar 1983: Nynorsk hjartespråk. S. 25-28, 184-208. Oslo: Samlaget. [29 s.] [Tema 2.]
- Norsk språknemnd: Framlegg til læreboknormal 1957. S. 5-10 (Innleiing), 48-73 (Konsonantar). Oslo. [32 s.] [Tema 4.]
- Nygaard, Marius [1865] 1975. Anmeldelse. Norsk Grammatik af Ivar Aasen. I Magne Myhren (red.): Ei Bok om Ivar Aasen. Språkgranskaren og målreisaren. S. 56-82. Oslo: Det Norske Samlaget. [27 s.] [Tema 1.]
- Sandøy, Helge 1995. Rettskrivingsarkitekturen. I: Norsk språkråd: Norma i nynorsk. Debatt. (Norsk språkråds skrifter nr. 2.) S. 17-24. [8 s.] [Tema 3.]
- Venås, Kjell 1990. Norsk grammatikk. Nynorsk. S. 84-117 (Verb). Oslo: Universitetsforlaget. [34 s.] [Tema 8.]
- Vikør, Lars S. 1994. Språkplanlegging. Prinsipp og praksis. (2. utg.) S. 13-70, 127-142, 143-216. Oslo: Det Norske Samlaget. [148 s.] [Tema 3.]
- Vikør, Lars S. 1998. Normering av ordtilfang i internasjonalt perspektiv. I: Norsk språkråd: Ordtilfanget i nynorsk - synsmåtar og røynsler. (Norsk språkråds skrifter nr. 5.) S. 21-28. Oslo: Norsk språkråd. [8 s.] [Tema 5.]

Pensumlistene til valemna 2, 3 og 4 står i studieplanen som kan skaffast frå Ivar Aasen-instituttet

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- **TYSK GRUNNFAG**
  - OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE
  - MÅL
  - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR
  - INNHALD
    - Grammatikk (TYG)
    - Praktisk tysk og Landeskunde (PTL)
    - Litteratur (TYL)
  - VURDERING OG EKSAMEN
  - PENSUM

## TYSK GRUNNFAG

*(studieplan frå 2001/2002)*

Studiet svarar i omfang og nivå til grunnfag i tysk ved universiteta.

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Opptakskravet er stått eksamen frå tre-årig vidaregåande skule med tysk B-språk eller tilsvarende. Sjå elles under det generelle opptaksreglementet.

Tysk grunnfag er godkjent av universiteta. Det kan såleis nyttast som grunnfag i ein cand.mag.-grad og som grunnlag for påbygging til mellomfag, eller gå inn som del av vidaregåande universitetsutdanning.

Tyskstudiet er også godkjent av departementet som årseining i vidareutdanning for lærarar, og kvalifiserer for undervisning i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

### MÅL

Gjennom studiet skal studentane få innsikt i tysk grammatikk, litteratur og Landeskunde som gjer dei kvalifiserte til å studere tysk på eit høgre nivå på universiteta, og å arbeide vidare med stoffet på eiga hand etter eksamen.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Undervisninga vert gitt dels i form av førelesingar, dels i seminar og i mindre grupper. Studiet er lagt opp slik at det skal gi solid øving i å bruke tysk språk både skriftleg og munnleg. All undervisning går føre seg på tysk. Ein legg stor vekt på øvingar i praktisk tysk. Studentane vert oppmoda om å danne kollokviegrupper så tidleg som råd i studiet, for å gjennomarbeide undervisningsstoffet på eiga hand.

Det er viktig at studentane tek aktivt del i undervisninga, les tyske aviser og tidsskrift og nyttar dei høve dei har til å snakke tysk. Det vert gjennomført ei 14-dagars studiereise til Tyskland i løpet av studieåret. Opphaldet i Tyskland er ein viktig del av studiet.

For at det skal vere lettare for fjernstudentar og/eller deltidsstudentar å følgje undervisningsopplegget, er undervisninga i disiplinane grammatikk, praktisk tysk/Landeskunde og litteratur fordelt på faste vekedagar.

### INNHALD

Undervisning og pensum omfattar tre hovuddisiplinar: Grammatikk, praktisk tysk og Landeskunde og litteratur. Eit kurs i tysk fagdidaktikk vert tilbode dei som ønskjer å ta tysk grunnfag som 4. år i allmennlærerutdanninga.

## **Grammatikk (TYG)**

Føremålet er å gi studentane sikre kunnskapar i moderne tysk formlære (morfologi) og syntaks, gjere dei kjende med sentrale grammatiske omgrep, auke deira innsikt i strukturen i det tyske språket og øve opp evna til språkleg analyse. Emne i grammatikk vert gjennomgått systematisk i førelesingar, med munnlege og skriftlege øvingar i tilknytning til førelesingane.

## **Praktisk tysk og Landeskunde (PTL)**

### **a. Praktisk tysk:**

Praktisk tysk er delt i tre undervisningsområde:

#### *Omsetjing:*

Studentane får regelmessig skrive og får gjennomgått omsetjingar som tek sikte på å gi dei solide grammatiske kunnskapar og å auke ordtilfanget.

#### *Samtaleøvingar:*

Gjennom regelmessige samtaleøvingar i grupper øver ein evna til munnleg bruk av språket. Det er naturleg i nokon grad å knyte samtaleøvingane til emne i Landeskunde (sjå nedanfor).

#### *Øvingar i språklaboratorium:*

Undervisninga skal søkje å gi studentane ein korrekt uttale. Ein nyttar lydøvingar, lytte- og leseøvingar, og legg vekt på å øve inn tysk intonasjon.

### **b. Landeskunde**

Faget Landeskunde skal gi ei innføring i kulturen i dei tyskspråklege landa. Følgjande arbeidsområde står i forgrunnen:

- Tysklands historie frå 1870/71 til våre dagar.
- Dei historisk-politiske, sosiale, økonomiske og kulturelle tilhøva i Aust- og Vest-Tyskland i tida 1945 - 1989 og i det samla Tyskland etter 1990.
- Geografien til dei tyskspråklege landa.

Studentane bør lese tyske aviser og tidsskrift regelmessig. Biblioteket abonnerer på Süddeutsche Zeitung, Neues Deutschland, Der Spiegel, Die Zeit, Stern, Das Parlament, m.fl.

## **Litteratur (TYL)**

Målet for litteraturstudiet er å auke forståinga for tysk litteratur ved øvingar og seminar over litterære tekstar. Pensum omfattar verk frå dei tre hovudsjangrane (epikk, drama, lyrikk) og skal dekkje tidsrommet frå ca. 1770 til i dag. Størst plass har tysk dikting frå førre hundreår. Ved sida av tekstanalyse legg ein vekt på at studentane tileignar seg kunnskap om særdrag ved dei sentrale epokane i tysk litteratur frå og med "Aufklärung". Ein viktig del av litteraturstudiet er også at studentane skaffar seg kjennskap til litteraturvitskaplege metodar og omgrep. Ein ser det som særst viktig at studentane arbeider mykje med litteraturen på eiga hand.

Pensum består av tre delar:

### **a. Drama og epikk:**

Denne delen av pensumet vert behandla i seminar, og ein legg etter måten stor vekt på formelle estetiske kriterium og litteraturhistorie. Ein vil her søkje å utvikle studentane sin sans for litteraturens eige formspråk, men naturlegvis også trekkje inn samfunnsmessige aspekt.

### **b. Lyrikk og litteraturhistorie med hovudvekt på Goethe**

Undervisninga i lyrikk følgjer dei same prinsippa som under punkt a. Pensum vert gjort kjent ved studiestart.

### **c. Litteratur og samfunn:**

I motsetnad til under punkt a og b er dei reint estetiske kvalitetane i verket her av meir underordna interesse, sjølv om ein ikkje kan sjå bort frå dei. Ein vil her prøve å finne verket sine samfunnsmessige utsegner og implikasjonar. Pensum vert sett opp med tanke på å belyse ulike aktuelle område. Undervisninga vil gå føre seg i seminar, der studentane sjølve har ansvaret for opplegget i samråd med lærar. Ut frå temaval og undervisningsform vil denne pensumdelen, meir enn a- og b-pensum, ha tilknytning til både litteratur, Landeskunde og praktisk tysk, skriftleg og munnleg.

## VURDERING OG EKSAMEN

### **Arbeidskrav**

For å kunne gå opp til eksamen må kandidatane i studieåret ha levert fire skriftlege oppgåver. Oppgåvene skal skrivast innanfor grammatikk, litteratur, Landeskunde og praktisk tysk - anten som særskilde arbeid eller i seminarsamanheng.

### **EKSAMEN**

Eksamen er samansett av:

1. Individuell skriftleg 6-timars eksamen i grammatikk ( på norsk eller tysk) med spørsmål både i morfologi og syntaks.
2. Individuell skriftleg 8-timars eksamen i tysk som består av:
  - a) Ei omsetjing av ein ukjend norsk tekst til tysk (ca. 250 ord).
  - b) Svar på tre (av fem) spørsmål innanfor pensum i Landeskunde.Dei to delane, a) og b), tel likt ved vurderinga.
3. Individuell skriftleg 6-timars eksamen i litteratur. Denne består av svar på eitt (av to) hovudspørsmål og tre (av fem) bispørsmål innanfor pensum i litteratur. Alt skal skrivast på tysk.
4. Munnleg eksamen

Her vert kandidaten sin dugleik i tysk uttale og evne til å tale tysk prøvd, først og fremst i tilknytning til emne frå pensum i Landeskunde.

### **Karakterar**

Det vert gitt ein karakter for kvar eksamensdag, i alt fire delkarakterar. På vitnemålet vert det sett ein karakter. Ved omrekning til denne karakteren har dei fire delkarakterane same vekting.

Karakterskalaen går frå 1,0 til 6,0. Kandidatar som på ein eksamensdag har fått dårlegare karakter enn 4,0, har ikkje greidd eksamen i tysk. For dei set ein ingen talverdi. Kandidatar som ikkje har greidd eksamen i ein disiplin, (jf. Eksamensreglementet, side 520, 17), kan melde seg til ny prøve i denne. Endeleg karakter vert ikkje utrekna før kandidaten har greidd eksamen i alle disiplinane.

## PENSUM

### **Grammatikk:**

Reiten, H. (1995): *Tysk grammatikk*. Oslo: Aschehoug.

Høyem, S.: *Tre utvalde grammatiske emne*.

Brandt, M./Persson, I./Andersson, S.G. (1990): *Tysk syntax för högskolebruk plus*. Malmö: Liber, s. 279 - 285.

I tillegg kjem eventuelt materiale som vert delt ut i undervisninga.

### **Hjelpebøker:**

Brandt, Persson, Rosengren, Andersson: *Tysk syntax för högskolebruk plus*. Malmö: Liber 1990. Freund og Sundqvist: *Tysk grammatik*. Stockholm 1988.

Askedal: *Innføring i tysk grammatikk*.

Duden 4: *Grammatik der deutschen Gegenwartssprache*.

Jørgensen: *Tysk grammatik I-III*.

Reiten: *Øvinger i tysk grammatikk 1-2* (med svarhefte).

Praktisk tysk:

Hustad: *Stor norsk-tysk ordbok*.

Wahrig: *Deutsches Wörterbuch*.

Ullstein: *Lexikon der deutschen Sprache*.

Duden: *Deutsches Universalwörterbuch A - Z*.

Duden 1. *Rechtschreibung*.

Duden 2. *Stilwörterbuch*.

Duden 6. *Aussprachewörterbuch. Wörterbuch der deutschen Aussprache*.

Duden 9. *Zweifelsfälle der deutschen Sprache*.

Duden 10. *Bedeutungswörterbuch*.

Voss: *Norsk-tysk/tysk-norsk ordbok*.

Lingua: *Tysk-norsk/norsk-tysk. Skoleordbok*.

Dessutan den litteraturen som faglærarane viser til.

## **Landeskunde:**

### *Pensum i Landeskunde:*

H. Schulze: *Kleine deutsche Geschichte*. München 1998. (Kap. 5-14)

I tillegg kjem materiale som vert delt ut i undervisninga.

Som hjelpebøker i Landeskunde-studiet vil ein tilrå t.d.:

*Tatsachen über Deutschland*. Frankfurt a.M. 1995.

*Die DDR stellt sich vor*. Berlin (Ost) 1986.

*Fragen an die deutsche Geschichte. Ideen, Kräfte, Entscheidungen von 1800 bis zur Gegenwart*. 14. Aufl. Bonn 1988.

Hitzler, E: *Deutsche Landeskunde und Praktisches Deutsch. Strukturen und Ziele im Grundfachstudium*. Volda 1998.

Hitzler, E: *Die Semesteraufgabe im Fach Landeskunde. Kommentierte Themenvorschläge mit Hinweisen zur Planung und Abfassung*. Volda 1998.

## **Litteratur:**

### *a) Drama og epikk*

Frisch: Andorra.

Brecht: Der gute Mensch von Sezuan.

Büchner: Woyzeck.

Hauptmann: Bahnwärter Thiel.

Mann: Tonio Kröger.

Grass: Katz und Maus.

I tillegg kjem nokre prosatekster:

Andersch: Vor einer Plastik von Ernst Barlach.

Aichinger: Das Fenster-Theater.

Kafka: Der Nachbar.

Hebel: Unverhofftes Wiedersehen.

### *b) Lyrikk og litteraturhistorie med hovudvekt på Goethe*

Pensum vert gjort kjent ved studiestart.

### *c) Litteratur og samfunn*

1. Mensch und Materialismus.

Dürrenmatt: *Der Besuch der alten Dame*.

2. Die Lage der Gastarbeiter in Deutschland.

Wallraff: *Ganz unten*.

3. Die Lage der Frau in der heutigen Gesellschaft.

Schwaiger: *Wie kommt das Salz ins Meer*.

4. Auswirkungen des Krieges.

Borchert: *Nachts schlafen die Ratten doch*.

Böll: *Wanderer, kommst du nach Spa... .*

5. Die Judenverfolgung im Dritten Reich.

Weiss: *Die Ermittlung*.

6. Die deutsche Sensationspresse.

Böll: *Die verlorene Ehre der Katharina Blum*.

7. Jugend in der ehemaligen DDR.

Plenzdorf: *Die neuen Leiden des jungen W.*

### *Pensum i litteraturhistorie:*

Baumann, B. und Oberle, B.: *Deutsche Literatur in Epochen*. München 1996, kap. 6-22.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen

**HØGSKULEN I VOLDA**

T:70 07 50 00 | F:70 07 50 51 | P.B.500 | 6101 VOLDA

Student Fag-  
kontoret planar

- [AVDELING FOR LÆRARUTDANNING - FELLESEDEL](#)
  - [Studiekvalitet](#)
  - [Å vere skikka som lærar-rutinar ved vurdering](#)
  - [Studierettleiing/innpassing](#)

## AVDELING FOR LÆRARUTDANNING - FELLESEDEL

Dekanus: Anne Øie  
Tlf.: 70 07 53 10  
Kontorsjef: Bjørn Krøvel  
Tlf.: 70 07 53 11  
Lokale: Kaarstadhuset m.m.

### STUDIEKVALITET

I alle fagplanar i lærarutdanninga vert studieevaluering og studiekvalitets-arbeid gjennomført i samsvar med retningslinjer ved høgskulen. I kvar fageining skal faglærar i samarbeid med studentane drøfte saker knytte til desse tre områda:

- a. Prioriteringar innanfor dei ulike delane i fagplanen: mål, innhald, praksis, arbeidsmåtar, obligatoriske studiedelar, organisering, vurdering, litteratur etc.
- b. Val av undervisningsformer; forelesingar, gruppearbeid, prosjektoppgåver, seminar, semesteroppgåver, rettleiingstimar, elevframleggingar etc. - inkl. vurdering av tilhøvet mellom undervisning og sjølvstudium.
- c. Form, mengd og frekvens av studieevaluering/studiekvalitets-arbeid.

Faglærar ved kvar studieeining skal i samarbeid med studentane opprette ei gruppe for studiekvalitet (faglærar og 2-3 studentar). Grappa skal møtast gjennom heile studieperioden, drive evaluering av faget parallelt med undervisninga og vere fagleg bindeledd mellom lærar og studentar. Saker som vedkjem eit heilt klassesteg, skal handsamast i eit felles organ for parallellklassane (1-2 lærarar og ein studentrepresentant frå kvar klasse).

### Å VERE SKIKKA SOM LÆRAR-RUTINAR VED VURDERING

Forskrift om skikkavurdering i lærarutdanningane, sjå bak i studiehandboka.

#### *Generelle rutinar ved spørsmål om å vere skikka som lærar.*

1. Faglærar/øvingslærar tek opp eventuelle manglar når det gjeld punkta ovanfor direkte med studenten. Faglærar/øvingslærar prøver å vere så konkret som mogeleg.
2. Faglærar/øvingslærar rapporterer munnleg og skriftleg eventuelle manglar til institusjonsansvarleg.
3. Institusjonsansvarleg kallar studenten inn til samtale og rettleiing. Det som kjem fram, blir skrive ned.
4. Eventuelt møte i vurderingskommisjon.

For m.a. å gje studentane råd og rettleiing i spørsmålet ovanfor og i spørsmål som gjeld utdanningsveg, fagval og eventuelle vanskar i samband med studiet, er det oppretta stillingar som studieleiarar.

## **STUDIERETTLEIING/INNPASSING**

Studieleiarane og administrasjonen i avdelinga kan gi studentane rettleiing om oppbygging og innhald i utdanningane, fagval m.m. Dei gir også hjelp ved innpassing og fritak av utdanning. Retningslinene for dette er gitt i rammeplanane for utdanningane. Søknad om godkjenninga av fag i lærarutdanningane skal leverast på eige skjema til studieadministrasjonen.

<b>Student</b>	<b>Fag-</b>	<b>Til</b>
<b>kontoret</b>	<b>planar</b>	<b>toppen</b>



- 4-ÅRIG ALLMENN LÆRARUTDANNING (AU)
  - AU - RAMMEPLAN av 01.07.99
  - Kompetanse
  - Obligatorisk del
  - Valfri del (4.studieår)
  - PLUTO PROSJEKTET
  - SEMINAR-TVERRFAGLEGE PROSJEKT
- PRAKSIS
  - INNLEIING
  - Rettleidd praksis
  - MÅL OG MÅLOMRÅDE
  - ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER
  - VURDERING
  - RUTINAR I SAMBAND MED KARAKTEREN «IKKJE STÅTT» I RETTLEIDD PRAKSIS I ALLMENN LÆRARUTDANNINGA ETTER NY RAMMEPLAN 1999
- Pedagogikk i allmennlærerutdanninga, 30 studiepoeng
  - INNLEIING
  - MÅL OG MÅLOMRÅDE
  - FAGLEG INNHOLD
  - ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER
  - VURDERING OG EKSAMEN
  - PENSUM OG KUNNSKAPSKJELDER
- DRAMA SOM METODE, 30 timar
  - INNLEIING
  - MÅL OG MÅLOMRÅDE
  - ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER
  - VURDERING
  - PENSUM
- Heimkunnskap 1, 15 studiepoeng
  - MÅL
  - INNHOLD
  - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR
  - Vurdering og eksamen
  - Pensum
- KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 1, 30 STUDIEPOENG
  - MÅL
  - ORGANISERING og arbeidsmåtar
  - Undervisning
  - INNHOLD
  - VURDERING OG EKSAMEN
  - PENSUMLITTERATUR
- KROPPSØVING 1, 15 studiepoeng (KRO101)
  - I. Innleiing ( sjå rammeplanen)
  - II. Mål og målområde ( sjå rammeplanen s 89 - 91)
  - III. Fagleg innhald



- [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
- [VURDERING](#)
- [EKSAMEN](#)
- [PENSUM](#)
- [Kunst og handverk 1, 15 studiepoeng \(ALKU1\)](#)
  - [MÅLOMRÅDE / INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING og eksamen](#)
  - [LITTERATUR](#)
- [MATEMATIKK 1, 30 studiepoeng \(MAT101/MAT105\)](#)
  - [Innleiing](#)
  - [Mål](#)
  - [Innhald](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)
- [MUSIKK 1, 15 studiepoeng \(MUS101\)](#)
  - [Innleiing](#)
  - [Mål](#)
  - [innhald \(Målområde\)](#)
  - [Organisering og arbeidsformer](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
  - [Pensumlitteratur og andre kunnskapskjelder](#)
- [Natur, samfunn og miljø, 30 studiepoeng \(NSm101\)](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD \(MÅLOMRÅDE\)](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUMLITTERATUR](#)
- [Norsk 1, 30 studiepoeng \(NO105\)](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM 1. STUDIEÅRET](#)
  - [PENSUM 2. STUDIEÅRET](#)

## 4-ÅRIG ALLMENN LÆRARUTDANNING (AU)

For desentralisert 4-årig allmennlærerutdanning i Kristiansund og Volda over 5 år som vart starta hausten 2000 og regional deltidsutdanning med oppstart hausten 2002 vart/vert egne planar utdelt ved studiestart. Prinsippa for oppbygging av 4-årig allmennlærerutdanning er nedfelt i rammeplan.

### AU - RAMMEPLAN av 01.07.99

Allmennlærerutdanninga er 4-årig og omfattar pedagogisk praksis, pedagogisk teori og ulike obligatoriske fagstudium med fagdidaktikk som skal førebu for allmennlæreryrket. Dessutan opnar utdanninga for val av fag i 4. studieår som er innsikta mot spesielle fag og fagområde, mot ulike arbeidsoppgåver eller mot bestemte alderssteg i skulen.

### Kompetanse

Allmennlærerutdanninga gir i hovudsak grunnlag for arbeid i grunnskulen, men kan også vere relevant for arbeid i vidaregåande skule, folkehøgskule og andre pedagogiske oppgåver t.d. vaksenopplæring og skulefritidsordning.

### Obligatorisk del

Estetisk fag (kunst og handverk eller musikk) 15 studiepoeng  
 Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (KRL) 30 studiepoeng  
 Matematikk 30 studiepoeng  
 Natur, samfunn og miljø 30 studiepoeng  
 Norsk 30 studiepoeng  
 Pedagogikk 30 studiepoeng  
 Praksisopplæring 18 + 4 veker  
 Praktisk fag (heimkunnskap eller kroppsøving) 15 studiepoeng  
 Drama går inn som eit metodefag i eit kurs på 30 timar knytt til faga norsk, matematikk og KRL. Kurset vert arrangert i løpet av dei 3 første semestra.

### Valfri del (4.studieår)

Studentane kan velje anten to 30 studiepoengs-einingar eller ei 60 studiepoengs-eining. Einingane kan vere vidareføring av fag i den obligatoriske delen av utdanninga, eller nye fag frå rammeplanen. Studentane kan også velje andre studieeiningar som fyller krava i rammeplanen, jfr kap. 2.3. Modellen nedanfor viser dei obligatoriske faga for kvart semester i dei tre første studieåra, vala i fjerde studieår og praksisorganisering.

Semester				Praksis
8	30 + 30 stp eller 60 stp			20/40 t: 20 t pr. 30stp
7				
6	(Eksamen)7,5 PED.	(Eksamen)7,5 PRAKT.	(Eksamen) 15 NSM	2 veker i andre ped. inst.
5	7,5 PED.	7,5 PRAKT.	15 NSM	4 veker
4	7,5 PED.	(Eksamen)15 KRL	(Eksamen)7,5 NORSK	3 veker *)
3	(Eksamen)7,5 EST.	15 KRL	7,5 NORSK	3 veker *)
2	7,5 EST.	(Eksamen) 15 MATEMATIKK	(Heimeks.)7,5 NORSK	3 veker *)
1	7,5 PED.	15 MATEMATIKK	7,5 NORSK	3 veker *)
stp.>	15	15	15	15

Forklaring til modellen:

EST.(estetiske fag) =musikk eller kunst og handverk

PED.=Pedagogikk

KRL= kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering

NSM = natur, samfunn og miljø

PRAKT.(praktiske fag) = heimkunnskap eller kroppsøving

\*) : Kan organiserast fleksibelt, jfr. PLUTO prosjektet.

Heilskap og samanheng i utdanninga er avgjerande for den kompetansen studentane får som allmennlærarar i grunnskulen. Difor vert samarbeidet mellom dei involverte faga, pedagogikk og praksis avgjerande for denne kompetanse. I rammeplanen av 1999 har pedagogikk og praksisopplæringa eit spesielt ansvar for å binde utdanninga saman. Det vert oppretta årsstegsgrupper for kvart studieår for å legge til rette for samarbeid og samordning mellom faglærarar, øvingslærarar og studentar.

### PLUTO PROSJEKTET

Høgskulen i Volda, Avdeling for lærarutdanning er tildelt prosjektmidlar for eit treårig prosjekt, Prosjekt

LærerUtdanning med Teknologisk Omstilling. Dette prosjektet starta hausten 2001, og vil frå hausten 2002 omfatte alle studentane i 1. og 2. årssteget i allmennlærerutdanninga, samt studentane i NSM i 3. årssteget og studentar i engelsk på 4. årssteget.

Prosjektet vil få konsekvensar for studieorganiseringa, arbeidsformer i studiet, endringar i fagplanar m.m. Meir informasjon om prosjektet finn du på heimesidene til Høgskulen i Volda.

Ved studiestart vert det gitt grundig informasjon om prosjektet.

## SEMINAR-TVERRFAGLEGE PROSJEKT

I samsvar med vedteken praksis- og studierute for studieåret 2002-2003 vert følgjande obligatoriske seminar-temaarbeid - tverrfaglege prosjekt arrangerte:

- Innføringskurs i IKT. 1. klasse AU og 1. klasse FU.
- Byrjaropplæring 1. klasse AU
- Temaveke i haustsemesteret, samarbeid mellom faga i 2. studieår AU.
- Rus-seminar for 3. klasse AU.
- Omsorgsseminar for 3. klasse AU og 3. klasse FU.
- Andre tema- og prosjektarbeid for klasser i AU og FU går fram av planar utlevert ved studiestart.

## PRAKSIS

### Vilkår for å halde fram i lærarutdanningane

Vi syner til retningslinjer i generell del for Avdeling for lærarutdanning.

## INNLEIING

Høgskulen i Volda sin plan for pedagogisk praksis byggjer på "Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning" (1999), generell del og på rammeplan for praksis. Desse er bindande for den lokale praksisplanen.

Lærerutdanninga er på grunn av ny rammeplan inne i ei omlegging som får konsekvensar for praksisområdet.

Praksis er lagt til både dei 3 første studieåra i allmennlærerutdanninga og til 4. studieåret, men det er etter 3. studieåret studenten sin kompetanse skal vurderast med sluttarakter.

Praksis skal kvalifisere for heile breidda i det pedagogiske arbeidet som lærarar i grunnskulen har ansvar for i dag. Ein tar derfor sikte på å utvikle grunnleggjande haldningar, kunnskapar og dugleik med tanke på denne oppgåva.

I samarbeidet mellom fag, pedagogikk og praksisfelt vil det bli lagt vekt på at praksis i lag med pedagogikk kan binde saman dei ulike delane av allmennlærerutdanninga. Dette vil særleg skje i samarbeid om felles problemstillingar og felles oppgåver i tilknytning til den organiserte praksisopplæringa.

### Rettleidd praksis

Denne planen omtalar følgjande former for praksis:

Vurdert praksis: Obligatorisk praksis vurdert med karakter.

Rettleidd praksis: Praksis der studenten får rettleiing av øvingslærer eller ein annan person med rettleiingskompetanse.

## MÅL OG MÅLOMRÅDE

Vi viser til **MÅL** og **MÅLOMRÅDE** med **profilering** for kvart av dei 3 første studieåra side 49 - 51 i "Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning" av 1999.

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

### Organisering innanfor kvart semester

Vurdert praksis er lagt til dei 3 første studieåra, med sluttvurdering i vårsemesteret i 3. studieår etter at institusjonspraksis er gjennomført. Praksis har eit samla omfang på 18 veker med 6 veker praksis kvart studieår som blir organisert slik som vist under avsnittet "Omfang og organisering". I 2 av dei 6 vekene 3. studieår skal studentane ha

praksis i ein annan institusjon/eit anna pedagogisk miljø. I tillegg kjem praksis knytt til fagstudium i 4. studieår.

### **Tverrfagleg samarbeid**

Rammeplan for praksis føreset at studieeininga skal hjelpe til med å binde saman dei ulike delane av allmennlærerutdanninga. Studia i faga, pedagogikk og praksis skal utgjere eit samordna, heilskapleg studieopplegg.

Dette krev eit tverrfagleg samarbeid med fagplanfesta tilskot frå alle samarbeidspartar. Samarbeidet vil delvis skje gjennom samordning av pensumlitteratur der dette er naturleg. Vidare vil det skje gjennom felles prosjekt i tilknytning til praksisopplæringa. Faglærarar og øvingslærarar vil møtast til felles førebuing om praksisbolken, og i rettleiing og vurdering av praksis. I kvart av dei tre studieåra skal studenten arbeide med ei tverrfagleg prosjektoppgåve som er knytta opp mot problemstillingar i samsvar med profileringa for studieåret. Studentane arbeider med prosjektoppgåvene i praksisgruppa i kvart av dei 3 første studieåra. Leveringsfristen for prosjektrapporten vert kunngjort for kvart studieår. Øvingslærar(teamet) og faglærar vurderer rapporten.

### **Føremål**

I samsvar med lov om lærarutdanning, rammeplanen, er føremålet å gje studentane høve til observasjon av elevar og arbeidet i skulen, utprøving av undervisningsopplegg og øving i praktisk lærararbeid. Primæroppgåva er å gje allmennlærer-/klasselærarpraksis.

Som ein integrert del av denne grunnskulepraksisen, og studiet i dei ulike faga og praksis, skal studentane få praksis i dei aktuelle faga så langt den fastsette tidsramma til praksis og timerammene ved den aktuelle øvingsskulen gjev høve til.

Undervisningsarbeidet skal utgjere eit tyngdepunkt i praksisopplæringa, samstundes som praksisbolkane skal gje høve til å oppleve skulesamfunnet som heilskap og samspelet mellom skule og nærmiljø. Det er også viktig for studentane å få oppleve korleis barn og unge lærer.

Det praktiske lærararbeidet må skje innanfor dei rammene som er sette for grunnskulen (lov, føresegnar og læreplan). Studentane har såleis teieplikt med omsyn til opplysningar om einskildelevar og heimetilhøve. Kvar student skriv under ei fråsegn om at ho/han har gjort seg kjend med gjeldande regelverk på dette området. Øvingslærarane syter for at dette vert gjort på orienteringsmøte før **første** praksisbolk.

Studentane skal i løpet av dei tre første studieåra få røynsle med praktisk lærararbeid både på småskule-, mellom- og ungdomssteget.

I tillegg til grunnskulepraksisen vil studentane få praksis i andre pedagogiske institusjonar.

### **Omfang og organisering**

Samla omfang av praksis dei tre første studieåra er 18 veker, fordelte såleis:

1. *studieåret*: 6 veker, delt med 3 veker i haustsemesteret og 3 veker i vårsemesteret. 2. *studieåret*: 6 veker, delt som i 1. studieår. 3. *studieåret*: 6 veker, delt med 4 veker i haustsemesteret og 2 veker i vårsemesteret.

Merk: Det samla praksisomfanget i 1. og 2. studieår kan organiserast fleksibelt.

Som ein integrert del av studiet i pedagogisk praksis dei tre første studieåra - og i samsvar med vedteken studiemodell - får studentane praksis i dei obligatoriske faga såleis:

1. *studieåret*: Klasselærarpraksis inkludert fagpraksis i norsk, matematikk og estetisk fag.

2. *studieåret*: Klasselærarpraksis inkludert fagpraksis i norsk, KRL og estetisk fag.

3. *studieåret*: Klasselærarpraksis inkludert fagpraksis i NSM og praktisk fag.

### **Praksisgrupper/oppfølging/studentrettleiing/samarbeid mellom lærargruppene**

Talet på studentar i kvar praksisgruppe skal til vanleg ikkje overstige 4.

Rettleiing i samband med praksis er eit fellesansvar for øvingslærarane. I sjølve praksisbolkane har øvingslærarane eit hovudansvar for rettleiinga.

Før kvar praksisbolk vert det gjort nærare avtale om praksisoppfølging og ansvarsfordeling for planlegging, gjennomføring, rettleiing, vurdering og tidspunkt for møte på øvingsskulane. Desse samarbeidsavtalane tek utgangspunkt i profileringane for kvart studieår og vert fastsette av årsstegsgruppa i samarbeidsmøte i god tid før praksisbolken tek til. Dei involverte faglærarane og øvingslærar(teamet) deler oppgåvene mellom seg. Det er viktig at studentane

gradvis blir stilte overfor større og større utfordringar. Prosjektrapportane til studentane kan vere med på å sikre og dokumentere denne progresjonen. På denne måten vil særleg evna til systematisk refleksjon vere i fokus.

### **Rettleiande læreplan med rolleavklaring for praksisbolkane**

Før kvar praksisbolk skal det haldast eit orienterings-/planleggingsmøte mellom praksispartiet og øvingslærer(teamet). På dette møtet gjev øvingslærarane informasjon om skulen, lokale læreplanar, ordensreglar, samarbeidsformer, timeplan, læremiddel m.m. Dessutan drøfter ein planen for den aktuelle praksisbolken. Dette møtet bør haldast på den aktuelle øvings-skulen.

Med sikte på progresjon i praksisopplæringa legg øvingslærer(teamet) til rette for aukande grad av ansvar og sjølvstende i å planleggje, grunnngje, gjennomføre og vurdere undervisnings- og oppsedingsarbeid. Studentane møter utdanninga og praksissituasjonen med ulike bakgrunn og røynsle. I samråd med studenten bør det derfor ved fordelinga av arbeid og oppgåver takast omsyn til dette, særleg i 1. studieåret.

Arbeidet i praksisbolkane er eit fellesansvar for øvingslærer(teamet) og praksispartiet med øvingslærarane som leiarar og rettleiarar. Når det ligg til rette for det, og ein student ønskjer det, bør studenten i einskildtimar kunne vere åleine med klassen, medan øvingslærer og dei andre studentane gjer anna arbeid.

Eit oversyn over oppgåver og ansvar for øvingslærarar og for studentar i høve gjennom-føringa av praksisbolkane er vist i egne praksisplanar.

### Obligatorisk frammøte

Det er obligatorisk frammøte til all praksis, praksisførebuing og etterarbeid. Dette gjeld møta med øvingslærer i tilknytning til praksisbolkane, undervisning og rettleiingstimar. Øvingslærarane kan gje permisjon inntil 3 timar. Permisjonar utover dette skal gjevast av studieleiar/praksiskontor (Jf. elles vurderingsføresegnene). Fråvære mellom 20 - 30% må takast att.

## **VURDERING**

### Rettleiande vurdering i praksisbolkane

Øvingslæraren/øvingslærarteamet skal gje kvar student munnleg rettleiing og drøfte arbeidet frå dag til dag i praksisbolken. Dessutan får kvar student ei skriftleg vurdering ved slutten av praksisbolken (oppsummering) med utgangspunkt i dei oppsette kriteria og målområda for studieåret og studenten sin heilskapsrefleksjon omkring praksis. Denne vurderinga skal leggest fram munnleg for studenten i ein refleksjons- og rettleiingssamtale. Studenten skriv under i lag med øvingslærer(ane).

Kopi av vurderinga skal følgje med til praksiskontoret. På den måten har neste øvingslærer/øvings- lærarteamet eit grunnlag å byggje si vurdering på med tanke på studenten si utvikling. Både i sjølve praksisbolken og i den oppsummerande vurderinga skal øvingslærer med utgangspunkt i studenten si eigenvurdering, gje rettleiing i kva studenten bør arbeide vidare med i studiet. Studieleiar og øvingslærer orienterer studentane om vurderingskriteria og målområda for kvart studieår, slik at studentane veit kva for kriterium som ligg til grunn for vurderinga. Den oppsummerande skriftlege vurderinga ved slutten av praksisbolken dannar grunnlaget for karakteren i praksisbolken. Øvingslærer gjev melding om karakteren til studenten. Karakteren er "Stått"/"Ikkje stått". Denne karakteren skal stå på eit eige ark i praksisrapporten til praksiskontoret. I tillegg må også prosjektrapporten vere vurdert til godkjent om studenten skal få godkjent resultat for heile praksisbolken. "Ikkje stått" på ein av dei to komponentane, praksis-prosjektrapport, fører såleis til karakteren "Ikkje stått" for praksisbolken.

### Rettleiande vurderingskriterium av praksis

Dette er kriterium som er i samsvar med mål og målområda for praksisopplæringa.

## **YRKESETISK KOMPETANSE**

- Vise ansvar, sjølvstende og engasjement i forhold til oppgåver studenten sjølv har teke

på seg eller blitt pålagd.

- Arbeide etter instruks for lærarar, i samsvar med verdiar og normer som er nedfelte i i skulelov og læreplan.

- Vere punktleg og møte førebudd til undervisning.
- Vise evne til kritisk refleksjon over eiga rolle og eigen praksisteori.

### **DIDAKTISK KOMPETANSE, FAGKOMPETANSE OG UTVIKLINGSKOMPETANSE**

- Evne til å ivareta rolla som undervisar og oppsedar.
- Viser generell didaktisk- og fagdidaktisk kompetanse. Såleis evne til å planleggje, tilrette-leggje, gjennomføre, vurdere og grunngje undervisning og læringsarbeid i forhold til teori, i forhold til dei elevane studenten arbeider med og i forhold til dei faga eller emna studenten underviser i. - Viser gode kunnskapar i faga studenten underviser i. - Viser interesse og engasjement for å drive utviklingsarbeid.

### **SOSIAL KOMPETANSE**

- Evne til kontakt og kommunikasjon med elevane.
- Evne til å leie læreprosessen og organisere læringa for einskildelevar og for grupper av elevar.

- Evne til kontakt og samarbeid med ulike grupper i det praktiske lærararbeidet.
- Evne til konfliktløsning.
- Evne til innleving og evne til å ta omsyn til andre sine behov.
- Evne til å ta mot rettleiing og endre åtferd. Reagerer studenten med forsvarsåtferd?

For å få ståkarakter, må studenten ha godkjent resultat på alle dei nemnde kriteria. Studenten kan stryke i praksis ved å få «Ikkje stått» på eitt av strekpunkta under dei ulike kompetansekrava ovanfor. *Ved karakteren «Ikkje stått» i rettleidd praksisstudium er det høve til å framstille seg 1 (ein) gong til ny vurdering (§5 pkt. 6 i eksamensforskriftet ved HVO).*

I den samanheng viser vi til eige oppsett om "*Rutinar i samband med karakteren "Ikkje stått" i rettleidd praksisstudium i allmennlærerutdanninga*".

Studenten kan også ut frå ei heilskapsvurdering bli kjend uskikka som lærar. Sjå elles eige forskrift av 16. august 1999 om skikkavurdering i lærarutdanningane.

#### Avsluttande vurdering/praksiskarakter

Studenten skal ha eigen karakter i praksis etter at praksisbolkane i 3. studieåret er gjennomførde. Sluttarakteren i praksis vert fastsett av dei øvingslærarane som har hatt studenten i praksis og av dei faglærarane som har vurdert prosjektrapporten og såleis delteke i samarbeidet om praksisopplæringa. Dersom studentar kan bli vurderte til "Ikkje stått" i samband med praksis 3. studieåret, kallar studieleiaren for allmennlærerutdanninga inn til karaktermøte og syter for at den endelege karakteren blir førd i protokoll og underteikna av dei som har teke del i vurderinga.

Høgskulen skal så snart karakterane er sette, gjere resultatet tilgjengeleg for studentane.

Skuleovertaking/praksis i andre pedagogiske institusjonar. Innanfor den samla praksisramma. på 18 veker dei tre første studieåra, skal 2 veker i 3. studieår nyttast til skuleovertaking. Etter søknad kan praksis i andre pedagogiske institusjonar/anna pedagogisk miljø godkjennast. Studentane får kome med ønske/framlegg om praksisplass. Eit hovudkrav er at studenten også i denne praksisen har kontakt med barn/ungdom. Avdeling for lærarutdanning v/praksiskontoret skal godkjenne praksisordninga og gjere formell avtale med praksisplassen. Sjå elles eigen praksisplan for den 6. praksisbolken og skriv om "praksisperiode 2 v. i 3. studieår".

Det er utarbeidd nærare retningsliner for denne praksisforma (økonomi, avtalar, gjennomføring, rapport m.m.)

Det er utarbeidd nærare retningsliner for denne praksisforma (økonomi, avtalar, gjennomføring, rapport m.m.)

Praktisk lærararbeid i det 4. studieåret

I samsvar med lov, rammeplan for allmennlærerutdanninga og vedtak i avdelingsstyret, skal alle studiefaga som går inn i det 4. studieåret ved allmennlærerutdanninga omfatte praksis på 2-4 veker knytta til fagstudiet. Studiefaga omfattar såleis også lærararbeid etter at praksis er avslutta 3. studieåret. Praksisopplæringa i 4. studieåret skal bygge vidare på dei kunnskapane og erfaringane studentane har frå dei 3 første studieåra.

Nærare retningslinjer er innarbeidde i dei ulike fagplanane som gjeld det 4. studieåret ved allmennlærerutdanninga ved HVO.

Praksisopplæringa i fjerde studieår blir knytt opp til oppgåver gitt i fagstudiet. Vurderinga av desse, inkludert praksisdelen går inn i dei einskilde faga.

Rutinar ved spørsmålet om å vere skikka som lærar.

Ein syner til fellesinformasjon, 4-årig allmennlærerutdanning.

## **RUTINAR I SAMBAND MED KARAKTEREN «IKKJE STÅTT» I RETTLEIDD PRAKSIS I ALLMENN LÆRARUTDANNINGA ETTER NY RAMMEPLAN 1999**

§5 pkt-6 i forskriftet om eksamen ved Høgskulen i Volda heiter det m.a.:

*Ved karakteren "Ikkje stått" i rettleidd praksisstudium er det høve til å framstille seg 1 (ein) gong til ny vurdering.*

Følgjande retningslinjer presiserer korleis regelen skal praktiserast:

1. Dersom ein kandidat får karakteren «Ikkje stått» i praksis første studieår, må kandidaten gjennomføre ein ny praksisperiode på to veker i løpet av mai/juni. I desse to vekene får kandidaten særskild rettleiing av ein annan øvingslærer på det området/dei områda kandidaten har vist manglar dei to første praksisbolkanane I . studieåret. Får kandidaten «Ikkje stått» også i denne ekstra praksisperioden, må han avbryte studiet.

2. Dersom ein kandidat har stått praksis 1. året, men får karakteren "Ikkje stått" i praksis 2. studieåret, må kandidaten gjennomføre ein ny rettleidd praksisbolk på 2 veker i vårsemesteret. Får kandidaten "Ikkje stått" i praksis også i denne praksisperioden, er sjansane oppbrukte og studenten må avbryte studiet.

3. Har ein kandidat stått 1. og 2. studieåret, men får «Ikkje stått» 3. året, må kandidaten gjennomføre ein ny rettleidd praksisbolk på 2 veker i vårsemesteret. Får kandidaten "ikkje stått" i praksis også i denne praksisperioden vert det halde særskilt vurderingsmøte (Jfr. planen for praksis) for denne studenten. Dersom utfallet av det særskilte vurderingsmøtet blir karakteren "Ikkje stått", må kandidaten avbryte studiet.

## **PEDAGOGIKK I ALLMENN LÆRARUTDANNINGA, 30 STUDIEPOENG**

### **Vilkår for å halde fram i lærarutdanningane.**

*Vi syner til retningslinjer i generell del for Avdeling for lærarutdanning.*

## **INNLEIING**

Høgskolen i Volda sin plan for pedagogikk byggjer på *Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning* (KUF 1999). Denne er bindande for lokale fagplanar, og det blir derfor vist til denne for nærare opplysningar.

Pedagogikk er lagt til dei tre første studieåra i allmennlærerutdanninga. Sentrale tema i faget er læring, undervisning, oppseding og sosialisering. Studiet i pedagogikk skal kvalifisere for heile breidda i det pedagogiske arbeidet som lærarar i grunnskulen har ansvar for. Ein tar derfor sikte på å utvikle grunnleggande haldningar, kunnskapar og ferdigheiter med tanke på denne oppgåva.

Studieeininga byggjer på den oppfatninga at teori og praksis er avhengige av kvarandre, og spelar saman i utvikling av ny innsikt. Det vil derfor bli lagt vekt på å binde saman kunnskap og erfaring frå teori og praksis. I samarbeid mellom fag, pedagogikk og praksisfelt vil det bli lagt vekt på å binde saman dei ulike delane i allmennlærerutdanninga. Dette vil særleg skje i samarbeid om felles problemstillingar og felles oppgåver i tilknytning til den organisert praksisopplæringa.

## MÅL OG MÅLOMRÅDE

Vi viser til MÅL og MÅLOMRÅDE s.39 - 45 i *Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning* (KUF 1999)

## FAGLEG INNHOLD

### 1. studieår

**Profil: Elev, lærer, læringsmiljø.** Samspel elev-lærer. Den aktive eleven. Læring i skule, heim og fritid. Lærarrolla. Skulen sitt føremål og planverk.

**Aktuelle tema:**

Utvikling, sosialisering og læring - omgrep og perspektiv

Tilpassa opplæring / den inkluderande skulen

Leik og læring

Skulen som læringsmiljø

Gruppeprosessar

Byrjaropplæringa

### 2.studieår

**Profil: Elev, klasse, skule.** Skulen som oppvekst- og læringsmiljø. Fellesskap og lokal, individuell og kulturell tilpassing. Kommunikasjon. Den estetiske dimensjonen. Yrkesetikk.

**Aktuelle tema:**

Skulen si grunngeving, mandatet, verdigrunnlaget, berande mål, prinsipp og retningslinjer i læreplanverket.

Didaktikk som grunnlag for læraren sitt arbeid.

Læraren sitt arbeid i eit samfunnsperspektiv.

Arbeid i klassen og skulefellesskapet.

Å vere lærar.

### 3.studieår

**Profil: Elev, skule, samfunn.** Samarbeid skule-heim og nærmiljø. Skulen som organisasjon. Skulen i samfunnet. Det lokale, nasjonale og internasjonale perspektivet.

**Aktuelle tema:**

Skule- og idehistorie

Skule- heim og lokalsamfunn

Tilpassa opplæring med vekt på likestilling, den fleirkulturelle skulen og spesialpedagogisk arbeid

IKT og undervisning

Vurdering og skuleutvikling

Pedagogikk som vitskapsfag

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

### *Organisering innanfor kvart semester.*

Pedagogikk er lagt til dei tre første studieåra, med avsluttande eksamen i 3.studieår. Pedagogikk utgjør 30 studiepoeng. Studieeininga blir organisert med 7,5 studiepoeng 1.studieår, 7,5 studiepoeng 2.studieår og 15 studiepoeng 3.studieår.

### *Organisering av undervisninga.*

Ansvar for eiga læring og eige studiearbeid er ein viktig føresetnad for kvalifisering for læreryrket. Ein sentral del av studiet blir derfor individuelt arbeid og forpliktande deltaking i basis- og seminargrupper. Arbeidet skal dokumentrast. Det blir lagt vekt på individuell og gruppevis rettleiing. For å realisere desse prinsippa og arbeidsmåtene, vil vi legge inn "problembasert læring" (PBL) som obligatorisk arbeidsmåte alle tre studieåra. I PBL foregår store delar av studiearbeidet i basis- og seminargrupper der studentane arbeider etter ein bestemt framgangsmåte og progresjon med utgangspunkt i praktiske eller praksisnære situasjonar og problem. Studentane vil få informasjon om arbeidsmåten ved studiestart kvart år. IKT skal aktivt takast i bruk som kommunikasjonsmiddel



mellom lærar og studentar, og innbyrdes mellom studentar.

### *Utarbeiding av undervisningsplanar*

Fagplanen skal vere utgangspunktet for utarbeiding av konkrete undervisningsplanar. Ein slik undervisningsplan kan gjelde for eit semester eller eit studieår, og den skal bl.a.vise tematisk oppbygging, obligatoriske arbeidskrav, obligatorisk frammøte og innleveringsfristar. Utarbeiding av semesterplanar skjer i samarbeid mellom faglærarar og studentar.

### **Tverrfagleg samarbeid**

"Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning" (KUF 1999) føreset at studieeininga skal hjelpe til med å binde saman dei ulike delane av allmennlærerutdanninga. Studia i faga, pedagogikk og praksis skal utgjere eit samordna, heilskapleg studieopplegg. Faget deltar i obligatoriske tverrfaglege prosjekt og seminar som er gjort greie for innleiingsvis under 4-årig allmennlærerutdanning.

### **Faglitteratur**

I studiet arbeider ein med faglitteratur som er sentral i høve til dei emneområda som blir tatt opp. Det inneber at pensum skal omfatte alle dei fire målområda i planen, og blir sett til ca. 2500 sider.

### **Studieevaluering og kvalitetssikring**

Studieeininga har eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantar frå kvar seminargruppe deltek i ein kontinuerleg utviklingsprosess.

### **Frammøteordning**

Det er obligatorisk frammøte til deler av pedagogikk alle tre studieåra. Dette vil bl.a. gjelde tverrfaglege prosjekt og temaarbeid, praksisførebuing og praksisetterarbeid, rettleiing, arbeid i basisgrupper og studentseminar. For studentar som ikkje oppfyller frammøtekrava, gjeld generelle reglar for frammøte og vurdering.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Vurderingsordning og arbeidsmåtar i studieeininga skal støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet.

## **VILKÅR FOR Å GÅ OPP TIL EKSAMEN - ARBEIDSKRAV**

Vilkår for å gå opp til eksamen er gjennomførde og godkjende arbeidskrav. Eitt av arbeidskrava er ei individuell skriftleg open- bok-prøve i 4.semester. Den blir vurdert av faglærar til godkjend/ ikkje godkjend, og studenten har inntil to forsøk på prøva.

I tillegg må studenten få godkjend ei dokumentasjonsmappe. Dokumentasjonsmappa skal innehalde:

- PBL-arbeid alle tre studieåra (skriftleg oppgåve og logg med utgreiing og vurdering av gruppeprosessen) (gruppearbeid)
- To skriftlege vurderingar av basisgruppepresentasjonar i PBL (individuell arbeid)
- Ei skriftleg oppgåve om byrjaropplæringa i 1.semester (individuell arbeid)
- To skriftlege fordjupingsoppgåver, ei i 1.semester og ei i 4.semester (individuell arbeid)

Det skal veljast ut element frå dokumentasjonsmappa til ei vurderingsmappe. Denne skal leverast til faglærar i to eksemplar i midten av 6. semester. Vurderingsmappa skal innehalde:

- Eitt PBL-arbeid (skriftleg oppgåve og logg med utgreiing og vurdering av gruppeprosessen) (gruppearbeid)
- Ei skriftleg vurdering av ein basisgruppepresentasjon i PBL (individuell arbeid)
- Ei skriftleg oppgåve (individuell arbeid)

## **EKSAMEN**

Den endelege formelle vurderinga i pedagogikk byggjer på to komponentar:

- 1.Vurdering av vurderingsmappa (sjå "Vilkår for å gå opp til eksamen - arbeidskrav")

2. Ein individuell munnleg eksamen. Denne eksamenen omfattar spørsmål frå pensum og forsvar av vurderingsmappa. Vilkår for å gå opp til munnleg eksamen er at vurderingsmappa er levert og godkjent.

Dei to komponentane utgjer kvar 50% av den endelege karakteren i faget pedagogikk. Bokstavkarakterane A - E blir brukt for stått, F for ikkje stått.

## **PENSUM OG KUNNSKAPSKJELDER**

Ei endeleg *pensumliste* vert kunngjort i 5.semester. Ved oppsetting av pensum må ein ta omsyn til at sentrale delar av faget får forsvarleg dekning. Nedanfor følgjer ei oversikt over ein del aktuell litteratur. Pensumlitteraturen blir stort sett å finne innanfor denne litteraturen.

### **Aktuell litteratur**

- Asmervik, Sverre m.fl.1999. Innføring i spesialpedagogikk. Universitetsforlaget
- Baune, Tove Aarsnes 1995. Den skal tidlig krøkes ... Skolen i historisk perspektiv. Cappelen Akademisk forlag.
- Bergem, Trygve 1998. Læreren i etikkens motlys. Ad Notam Gyldendal.
- Berthelsen, Jens m.fl.1991. Innføring i prosjektarbeid. Fag og Kultur.
- Bjørke, Gerd 2000. Problembasert læring. Tano Aschehoug
- Bjørnes, Else m.fl.1993. Leker like barn best? Grunnbok i migrasjonspedagogisk teori og praksis. Tano.
- Bolstad, Bjørn (red) 2001. Moderne pedagogikk Teori og praksis ved Ringstadbekk skole. Universitetsforlaget
- Brøyn, Tore og Jon-Håkon Schultz (red.) 1999. IKT og tilpasset opplæring. Tano Aschehoug. Bø, Ingerid 1996. Foreldre og fagfolk. Samarbeid i barnehage og skole. Tano. Aschehoug.
- Eik, Liv Torunn 2000. Lekende læring og lærende lek i den nye småskolen. Pedlex. Norsk Skoleinformasjon
- Ekeberg, Torill Rønsen og Holmberg, Jorun Buli 2000. Tilpasset opplæring og spesialpedagogisk arbeid i skolen. Tano Aschehoug.
- Engelsen, Britt Ulstrup 1999. Kan læring planlegges? Ad Notam Gyldendal
- Engen, Thor Ola og Kulbrandstad, Lars Anders 1998: Tospråkligheit og minoritetsundervisning. Ad Notam Gyldendal
- Gjøsund & Huseby 1998. To eller flere. Basiskunnskap i gruppepsykologi. NKS-Forlaget
- Gjøsund & Huseby 1999. I fokus. Observasjonsarbeid i skolen. NKS-Forlaget
- Handal, Gunnar og Lauvås, Per 1999. På egne vilkår. Cappelen.
- Høigaard, Rune m.fl.2001. Veiledningssamtaler med elever. Høyskoleforlaget.
- Hylland Eriksen, Thomas (red.) 1997. Flerkulturell forståelse. Tano Aschehoug.
- Imsen, Gunn 1998. Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi. Tano Aschehoug
- Imsen, Gunn 1999. Lærerenes verden. Innføring i generell didaktikk. Tano Aschehoug
- Killén. Sveket 1991. Omsorgssvikt eller alles ansvar.
- Kyrkje-utdannings- og forskingsdepartementet 1998. Rettleiing L97, L97S Elevvurdering.
- Melheim, Kristoffer 1998. Arbeid i fådelt skule. Det Norske Samlaget1
- Myhre, Reidar 1997. Grunnlinjer i pedagogikkens historie. Ad Notam Gyldendal.
- Roland, Erling 1998. Elevkollektivet. Rebell Forlag.
- Roland, Erling og Grete Sørensen Vaaland 1996. Mobbing i skolen. En lærerveiledning. KUF.
- Skaalvik & Skaalvik 1996. Selvoppfatning, motivasjon og læringsmiljø. Tano
- Telhaug, A.O.1994. Utdanningspolitikken og enhetsskolen.
- Aasen, Joar og Engen, Thor Ola (red.)1994. Didaktikk og læreplanarbeid. Oplandske Bokforlag.

### **Lover og planar**

- Lov av 17.juli 1998 nr 61. Om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova). Cappelen Akademisk Forlag 1998.
- Lov om barnevern.
- Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97). KUF 1996, med fagplantillegg.

## **DRAMA SOM METODE, 30 TIMAR**

### **Vilkår for å halde fram i lærarutdanningane.**

Sjå generell del.

## **INNLEIING**

I allmennlærerutdanninga er det eit obligatorisk kurs i drama som metode knytt til faga norsk, matematikk og KRL.

Kurset føreset aktiv innsats og vilje til utprøving frå studentane. Det sentrale i dramakurset er å skape eit grunnlag for vidare utvikling av dramakompetanse spesielt og av estetisk kompetanse generelt.

Dramafaget har røter i leik og teater. I drama er kropp og stemme uttrykksmidla medan kjensler og intellekt er refleksjonsmidla i den estetiske erkjenningsprosessen.

## MÅL OG MÅLOMRÅDE

Faget inneheld 3 målområde:

1. Erfaring med spelaktivitetar
2. Forståing av det faglege fundamentet for bruk av drama som metode
3. Innsikt i bruk av drama som metode i sentrale skulefag

Sjå elles rammeplan for allmennlærerutdanning pkt. 3.14

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Dei 30 undervisningstimane dramakurset omfattar, vert organisert som eit samanhengande kurs i første studieår.

I all dramaundervisning er praktisk utprøvningsarbeid ein viktig tilnæringsmåte. Det første målområdet har derfor ein sentral plass. Utprøving av metodar og uttrykksformer går føre seg i grupper og vil veksle mellom didaktisk og estetisk fokusering. Studieformer som førelesing, kollokviearbeid og tekststudium vil også danne basis for tileigning av fagstoff.

Drama som metode er særleg knytt til faga norsk, matematikk og KRL. Samarbeid mellom desse faga og drama kan legitimerast på ulike måtar. Førestillingsevne er t.d. eit fundament for sentrale område i alle faga: for tekstarbeid i norsk, problemløysing i matematikk, etiske overlegningar i KRL og rolletolking i drama. Fagsamarbeid kan organisert som prosjekt eller tverrfagleg undervisning der egna tema kan vere forteljing/munnleg formidling eller tverrfagleg skapande arbeid.

Dokumentasjonsformer i dramakurset vil først og fremst vere munnleg framlegging og dramatisk framføring i gruppe. Det kan likevel vere aktuelt å lage eit skriftleg arbeid, m.a for å utfordre den enkelte til fagdidaktisk refleksjon.

## VURDERING

Deltaking i undervisning er ein føresetnad for å få godkjent dramakurset. Vurdering skal knytast til studentane sitt arbeid med dramatiske framføringar og til dokumentasjon av kunnskap om drama som arbeidsform i grunnskulen.

Kurset vert avslutta med ei eller anna form for dramatisk framføring for medstudentar, to faglærarar og evt. barn. Dette arbeidet vert nærare gjort greie for av faglærar når dramakurset startar.

Dramakurset vert vurdert etter skalaen godkjent/ikkje godkjent. Gjennomført dramakurs med resultatet godkjent er ein føresetnad for å få vitnemål om fullført lærarutdanning.

## PENSUM

Anne Meek: *"Lek, drama og teater i skolen"*, Tell forlag 2000

## HEIMKUNNSKAP 1, 15 STUDIEPOENG

### *Omfang*

Studieeininga gir 15 studiepoeng.

### *Målgruppe*

Studentar i 3. året i allmennlærerutdanninga.

Heimkunnskap er i hovudsak eit praktisk fag som er forankra i naturvitenskapeleg og samfunnsvitenskapeleg kunnskapstradisjon. Faget har røter til erfaringsbasert kunnskap. Den praktiske opplæringa bygg på teoretiske kunnskapar. Fagplanen byggjer på Rammeplanen for 4-årig allmennlærerutdanning, fastsett av KUF 01.07.99.

## MÅL

Rammeplanen gir fem målområde for studieeininga.

1. Mat og kultur
2. Livsstil og helse
3. Forbruk og økonomi
4. Barne- og familiekunnskap
5. Fagdidaktikk.

## INNHALD

Studiet omfatter dei fem nemnde målområda. Målområda grip inni kvarandre og støttar kvarandre i opplæringa. I grunnskulen er heimkunnskap i hovudsak eit praktisk fag og den praktiske komponenten som ligg under målområdet mat og kultur vert særleg vektlagt. Kunnskap i ernæring vil bygge på retningsliner utarbeidd av Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet. Det er viktig å sjå samanheng mellom kosthald, helse og livsstil, og korleis vi som pedagogar kan undervise i helsefremjande arbeid i grunnskulen.

### ***Hovudmål 1. Mat og kultur***

Det vil her vere viktig å lage mat som samsvarar med norsk ernæringspolitikk. Samtidig vil ein vektlegge måltidet og måltidet sin sosiale og estetiske funksjon. Også gamle mattradisjonar nasjonalt, og internasjonalt vil vere viktige.

### ***Hovudmål 2. Livsstil og helse***

Her vektlegg ein det helsefremjande aspektet i heimkunnskapsfaget. -Å sjå individet sine eigne ressursar i samanheng med individet sitt nærmiljø er viktig for å forstå det utvida helseomgrepet som her vert lagt til grunn. Helse kan sjåast på som ein ressurs som barn og unge har, og som skulen må støtte og hjelpe dei i å ta vare på.

### ***Hovudmål 3. Forbruk og økonomi***

Grunnleggande kunnskap i forbrukarlære er viktig. Barn og unge er ein del av forbrukarsamfunnet, og marknadsføring vert ofte retta spesielt mot denne gruppa. Kva behov har menneske for ulike varer, og kven bestemmer kva vi har behov for er eit av tema. Å skape ein miljøvenleg kvardag er målet, og praktisk kjeldesortering inngår i den praktiske undervisninga i heimkunnskap.

### ***Hovudmål 4. Barne og familiekunnskap***

Kunnskap om barn og dei unge sin oppvekst er her eit tema. Temaet vil studentane finne att i pedagogikkundervisninga, men i heimkunnskap vil ein særleg legge vekt på omsorg og likestillingsaspektet. Korleis lære elevane å vise omsorg gjennom praktisk handling - og likestilling gjennom praktisering er viktig.

### ***Hovudmål 5. Fagdidaktik***

Korleis tilrettelegge undervisninga i heimkunnskap på dei ulike trinna i grunnskulen vil vere viktig å arbeide med. I løpet av studieåret skal studentane planlegge og gjennomføre eit undervisningsopplegg knytt til grunnskulen. Dette skal gjennomførast og utprøvast på medstudentar, der dei gir rettleiing og evaluering.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studieeininga legg opp til varierte arbeidsmetodar slik at studentane får kunnskap om ulike måtar å organisere undervisninga på. Undervisninga i praktiske emne vert organisert i mindre grupper, medan den teoretiske undervisninga vil gå føre seg i storgruppe. Den praktiske undervisninga vil ligge i blokk på 4 timar samanhengande. Ein får ikkje tid til å gjennomgå alle emna like godt så ein føreset at kvar enkelt student set seg inni stoffet på eiga hand, dersom det ikkje vert gitt undervisning i emnet. Dette gjeld også den praktiske komponenten i faget.

## BRUK AV IKT

Dataprogrammet "Mat på data" er eit pedagogisk dataprogram som vil vere ei hjelp når ein skal rekne ut næringsinnhald i ulike matvarer, og når ein skal planlegge sin eigen kvardagskost. For å forstå programmet er det likevel viktig at studentane lærer å bruke ein næringsmiddeltabell og kan rekne ut næringsinnhaldet i maten ved

hjelp av ein kalkulator. Til førebuing for den praktiske økta i faget, skal studentane gjennom internett finne fram til stoff som omhandlar den matvaregruppa vi skal arbeide med. Opplysningskontora for landbruket har utarbeidd gode kunnskapssider om dette. Desse nettadressene er viktige for studentane å bruke.

## **PROSJEKT / OPPGÅVE**

Studentane vil i løpet av studieåret få eit praktisk/metodisk prosjekt som dei skal gjennomføre på sine medstudentar, og som medstudentane skal vere med på å evaluere. Oppgåva vert laga av faglærer og er knytt til den gjeldande fagplanen i grunnskulen.

## **TILPASSA OPPLÆRING**

Heimkunnskap er eit fag der tilpassa opplæring ligg godt til rette. Vi vil særleg sjå korleis den praktiske komponenten kan bidra til å gi elevane tilrettelagde kunnskapar og ferdigheiter. Heimkunnskap er eit glimrande redskapsfag for andre fag som mellom anna norsk og matematikk. For eksempel vil arbeid med mål og vekt - problematikken og det å lese ei oppskrift gi elevane ferdigheiter langt utover heimkunnskapsfaget. I mange tilfelle vil elevar som strir med å tileigne seg teoretiske kunnskapar ha stor utbytte av å tilnærme seg teoretisk stoff gjennom ei praktisk tilnærming.

## **STUDIEKVALITET**

Studieeininga har eit eige fagutval for studiekvalitet og fagutvalet har møte med faglærer to gongar i året.

## **ARBEIDSKRAV**

Arbeidskrava i faget er knytt til obligatorisk undervisning. Dette fordi faget i lærarutdanninga vert rekna som eit praktisk fag. All praktisk undervisning er obligatorisk, og deler av den teoretiske undervisninga er og obligatorisk, fordi den praktiske opplæringa bygg på teoretisk kunnskapsstoff.

Ei praktisk/metodisk oppgåve er obligatorisk og studenten må ha gjennomført denne før han kan framstille seg for eksamen. Sjå reglement for studentframmøte ved høgskulen i Volda vedteke i møte 18.04 96 som ein finn i studiehandboka. "Fag og studieplanar syner kva undervisning, aktivitetar og arbeidsoppgåver som krev obligatorisk frammøte/deltaking og korleis denne fordeler seg over studieåret"(sitat punkt 1 i reglementet)

## **MATERIALAVGIFT OG ARBEIDSTØY**

Kvar student må betale 450 kroner i matpengar. Dette blir krevd inn før jul og kvar student får tilsendt ein giroblankett.

Arbeidstøy må kunne skaffast etter avtale med faglærer.

### **Vurdering og eksamen**

Endeleg karakter er samansett av

- 1)Ein individuell 4 - timars skriftleg eksamen (prøving av teoretiske kunnskapar).
- 2)Ein praktisk -metodisk gruppeeksamen der to studentar er saman om oppgåva.

Dei to delane tel like mykje ved samanslåing av karakter og begge delane må vere bestått for å få endeleg karakter i faget. Også kandidatlar som har fått karakteren F (ikkje stått) på den teoretiske delen, har høve til å framstille seg til praktisk eksamen.

### **Pensum**

Korsnes, Wilhelmsen og Woldstad. (2001) Heimkunnskap for lærerutdanningen. NKS forlag.

Hernes og Harman(2000) Mat, kultur og helse. Fagbokforlaget

Hjukse. (1997) Mål og metode i heimkunnskap. Praktiske aktivitetar. Novus forlag.

Woldstad( 2000) Heimkunnskap, ressursbok for studenten. NKS forlag

Brunstad(2001) Bakebok for mannfolk. Landbruksforlaget.

Ein næringsmiddeltabell / matvaretabell.

## **KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 1, 30 STUDIEPOENG**

Denne fagplanen byggjer på gjeldande rammeplan for allmennlærerutdanninga (av 01.07.99.), og er forplikta på målsetjingane som der er lista opp (jf. kap 2.6 og 3.5).

## MÅL

Sjå rammeplan kap 3.5.

## ORGANISERING og arbeidsmåtar

Læringa i faget skjer gjennom sjølvstudium, undervisning og oppgåvearbeid i basis- og seminargrupper. Eit kalendarisk oversyn over undervisninga vert delt ut ved starten av studieåret. I tillegg vil faglærarane presentere meir detaljerte planar over undervisninga i dei ulike hovudemna - evt med tilråding om kva delar av pensum som bør lesast i dei ulike periodane.

### Undervisning

Undervisninga vekslar mellom større og mindre grupper. Når heile kullet er samla i eit auditorium, vil formidlinga stort sett vere einvegs. Seminartimane er meir varierte - med vekt på drøfting av arbeidet som går føre seg i basisgruppene. Det er til vanleg fritt fram møte til timane, men læringsmiljøet vert best når dei fleste sluttar opp om aktivitetane. Faglærarane vil i undervisninga gje generell innføring i fagområda og ei viss trening i fagleg og pedagogisk metode. Men det er ikkje aktuelt å gå gjennom alt pensumstoffet i timane.

### Sjølvstudium

Studentane har ansvar for eiga læring i faget. Litteraturstudiet skjer individuelt og i grupper. Faglærarane kan spørjast til råds når det trengst.

### Bruk av IKT

Studieeininga har eigen elektronisk møtestad på høgskulen sin undervisningsvev (ClassFronter). All viktig informasjon vert lagt ut der (nettadressa vert gjort kjend ved studiestart), og instituttet legg opp til ein aktiv bruk av IKT som kommunikasjonsmiddel.

### Elektronisk mappe

Gjennom undervisningsåret vil studentane få fleire oppgåver. Svara på desse skal kvar student levere i ei eiga mappe i ClassFronter. Ved eksamen skal mappa innehalde:

Eit kort notat med refleksjon over eiga rolle som KRL-lærer (1-2 sider)

A: Omtale av eit undervisningsopplegg frå grunnskulepraksisen (3-5 sider), *eller*

B: Refleksjonsnotat med utgangspunkt i den tverrfaglege temaveka for kullet (5-6 sider)

Ei fagleg og/eller didaktisk fordjupingsoppgåve med KRL-tema (8-12 sider)

Presentasjon av mappeinnhaldet - med kort eigavurdering av arbeida (1-2 sider)

Dette stoffet skal i alt skal utgjere mellom 15 og 20 sider. Ved studiestart vert det gjort nærare greie for utforming, problemstillingar, rettleiing og tidsfristar.

## INNHALD

Rammeplanen fordeler dei 10 vektala på 6 hovudemne eller målområde, og faginnhaldet i desse vert det gjort greie for i det følgjande:

### **Fagdidaktikk (3 p.)**

Under dette hovudemnet vil ein avgrense fagdidaktikken/religionspedagogikken i høve til generell pedagogikk, og gje innføring i: Sentrale religionspedagogiske grunnlagsproblem, generelle fagdidaktiske spørsmål, og sentrale metodiske tilnærmingar. Studiet skal gje innsikt i KRL-faget sin plass og funksjon i grunnskulen, og kvalifisere til å undervise i faget. Fagdidaktiske og metodiske spørsmål med tilknytning til konkrete undervisningsoppgåver vert også tekne opp under dei ulike hovudemna.

## SENTRALE DELEMNE:

- Innføring i kristendomsfaget si historie i norsk skule fram til og med KRL-faget i L-97. Det vert lagt særleg vekt på det som er nytt i KRL-faget
- Spørsmål som gjeld verdigrunnlaget for grunnskulen og det generelle oppsodingsansvaret
- Den pedagogiske mandatfordelinga
- Religiøsitet og moral hos barn og ungdom
- Omsyn knytt til barn med framandkulturell bakgrunn
- Målsetjingane for KRL-faget, sett i samband med fritaksspørsmålet og differensiert undervising
- Innhaldsmomenta i KRL-faget og spørsmål om stoffval
- Evaluering og læremiddelvurdering
- Metodiske spørsmål, med vekt på forteljingsdidaktikk, estetiske uttrykksformer, tverrfagleg samarbeid og tilpassa opplæring

### ***Bibelen (6 p.)***

Hovudemnet skal gje kunnskap om og forståing for Bibelen som historisk dokument og som grunnleggande kjelde for kristen tru og livstolking. Studiet skal gje oversyn over dei ulike skriftgruppene og sjanrane i Bibelen, og nokre skrifter skal lesast i samanheng. Studentane skal arbeide med elementær tekstanalyse, og øve seg i å sjå bibeltekstene både i kulturhistorisk og bibelteologisk samanheng. Gjennom dette skal dei opparbeide kompetanse til sjølve å legge til rette for arbeid med bibeltekster i grunnskulen.

## SENTRALE DELEMNE:

- GT og NT: Oversyn, litterære sjanrar, kulturhistorisk kontekst og tolkingstradisjonar.
- Nærare studium av 1. Mosebok, Jesaja 1-12 og 40-55, Markusev. og Efesarbrevet.
- Bibelforteljingar og Bibelen som forteljing.
- Forholdet mellom den jødiske og den kristne bibel
- Bibelspor i kunst og kultur.
- Bruk av bibeltekster i skulen.

### ***Kristendomshistorie (4,5 p.)***

Hovudemnet skal gje kunnskap om kristendomen si utbreiing og utvikling frå aposteltida til i dag. Som i skulefaget skal det leggest særleg vekt på trua sine synlege uttrykk i ulike epokar og miljø. Studiet tek føre seg historiske tekster og forteljingar, men også biletkunst, arkitektur og musikk. Av epokane vert det i denne eininga lagt særleg vekt på mellomalderen og reformasjonstida. Gjennom arbeidet med hovudemnet skal studentane verte i stand til å formidle det kristendomshistoriske lærestoffet på ein levande måte.

## SENTRALE DELEMNE:

- Hovudlinjer i allmenn og norsk kristendomshistorie
- Tru og liv i den eldste kyrkja; illustrert gjennom tekst og forteljing, bilete og arkitektur
- Monastisk kultur i mellomalderen; illustrert gjennom klosterreglar, klosterarkitektur, liturgi, musikk og helgentradisjonar

- Reformasjon og motreformasjon: Religiøse ideal og uttrykk i kunst, musikk og kultur
- Bruk av tekster, bilete, arkitektur, song, musikk eller drama i formidling av kristendomshistoria

### ***Kristen tru og livstolking (4,5 p.)***

Studiet av dette hovudemnet skal gje systematisk innføring i dei sentrale lærespørsmåla i dei oldkyrkjelege og reformatoriske vedkjenningskriftene med utgangspunkt i livsspørsmåla slik dei vert stilte av menneska i dag. Emnet byggjer såleis vidare på innsikter frå hovudemna *bibelkunnskap* og *kristendommens historie*. I tråd med skulefaget vert det teke utgangspunkt i den lutherske kristendomsforma. Men samtidig skal andre viktige kristendomstolkingar presenterast, særskilt der dei avvik vesentleg frå luthersk forståing. Samanlikning med andre religionar og livssyn - og kristendommen sitt tilhøve til desse - utgjer eit viktig element i hovudemnet.

### **SENTRALE DELEMNE:**

- Kristendommen og religionane
- Gud - eksempeltema: Kan Guds eksistens provast?
- Skapinga - eksempeltema: Bibelen og naturvitskapen
- Det vondes problem
- Kristus - kven var/ er han?
- Kristi kross som uttrykk for Guds rettferd og Guds kjærleik
- Treeiningslæra - berre teoretiske spekulasjonar?
- Kristendommen som både gåve og krav (lov og evangelium)
- Vona om ei anna verd det evige livet

### ***Religionar og livssyn (7,5 p.)***

Studiet av dette hovudemnet gjeld jødedommen, islam, hinduismen, buddhismen, det aktuelle innslaget av nyreligiøsitet, og dei viktigaste ikkje-religiøse livssynstradisjonane i vår tid. Målet er både å skaffe seg gode kunnskapar om det særeigne for kvar religion og tradisjon, og å kunne bruke eit samanliknande perspektiv på ein innsiktsfull måte. I arbeidet med lærestoffet skal det leggjast vekt på arbeid med forteljingsstoff og tekster og med dei estetiske uttrykksformene. Gjennom dette skal studiet førebu for ei undervisning om religionar og livssyn som både er fagleg forsvarleg og viser omtanke og respekt for elevar med ulik bakgrunn.

### **SENTRALE DELEMNE:**

- Verdsreligionane jødedom, islam, hinduisme, buddhisme, konfusianisme og daoisme; historikk, aktuell utbreiing, tekster, lære, praksis, høgtider, folkereliøsitet og estetiske uttrykk.
- Nyreligiøsiteten; nyreligiøse rørsler, New Age og endringar i folkereliøsiteten i Vesten.
- Livssynsperspektiva humanisme og naturalisme; idéhistorisk bakgrunn, sentrale tekster og talsmenn, Human-Etisk Forbund i Norge, nyare livssynsdebatt.
- Barn, religiøsitet og livssynsspørsmål; religiøs sosialisering, religionsundervisning og religiøst og livssynsmessig mangfald.

### ***Etikk og filosofi (4,5 p.)***

Hovudemnet skal gje elementær kunnskap om filosofisk etikk, særleg om etikkhistorie, etiske grunnomgrep, nokre sentrale etiske teoriar og retningar og forholdet mellom kristen og allmenn etikk. I arbeidet med lærestoffet skal det leggjast vekt på å drøfte dei kristne og humanistiske verdiane, på sambandet mellom etiske verdiar og menneskesyn, og på spørsmålet om fellesverdiar på tvers av religionar og livssyn.

### **SENTRALE DELEMNE:**



- Etikkhistorie med hovudvekt på representantar for den greske filosofien (Sokrates, Platon, Aristoteles), for den kristne etikken i mellomalderen (Thomas) og for etisk filosofi i nyare tid (Luther, Kant, Stuart Mill).
- Ethiske grunnomgrep og sentrale teoriar; etikk/moral, norm/verdi, etiske modellar (pliktetikk, sinnelagsetikk, formålsetikk), normativ og deskriptiv etikk, nytteetikk, dygdsetikk.
- Diskusjonen om eit kristent og humanistisk verdigrunnlag og om moglege fellesverdier i ein pluralistisk kultursituasjon.
- Ethiske problemstillingar med døme frå ulike livsområde
- Den etiske oppsedinga i den offentlege skulen.

## VURDERING OG EKSAMEN

### EKSAMEN

Eksamen er sett saman av to delar :

- 1) Studentmappe med eit visst tal nærare definerte arbeid (jf. ovanfor), og
- 2) Individuell 6-timars skriftleg eksamen

Endeleg karakter vert rekna ut ved at 1 (mappa) tel 30% og 2 (skriftleg eksamen) tel 70%.

Det vert nytta bokstavkarakterar på ein skala frå A til F der A er beste karakter og E er siste ståkarakter.

### HJELPEMIDDEL VED EKSAMEN:

*Bibelen* i norsk omsetjing frå Det norske Bibelselskap, eller frå Norsk Bibel a/s.

*Bibelord og/eller Ord i Bibelen og Navn i Bibelen.*

*Evangeliesynopse* (red. Gunnar Johnstad).

Brunvoll, Arve: *Den norske kirkes bekjennesskrifter / Vedkjenningskriftene* å Den norske kyrkja.

Haraldsø, Brynjar: *Årstallsliste til kirkehistorien.*

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L-97).*

Reine understrekingar er tilletne i biblar og L-97, men ikkje i dei andre hjelpemidla.

## PENSUMLITTERATUR

### FAGDIDAKTIKK

Mogstad, Sverre Dag: *Fag, identitet og fortelling*, Oslo (Universitetsforlaget) 2/1999.

Haanes, Elisabeth: *KRL-faget og tilpasset undervisning på småskoletrinnet*, i Prismet nr. 1/2001.

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L-97)* s.9-107.

## BIBELEN

Bibelskrifter i samanheng:

Første Mosebok, Jesaja 1-12 og 40-55, Markusevangeliet og Efesarbrevet.

Halse, Per: *Gudsord og menneskeord. Innføring i bibelkunnskap*, Bergen (Fagbokforlaget) 1999, heile boka bortsett

frå kap 1.4 og kap 6.

Lied, Sidsel: *Jeg fant, jeg fant ... en bibeltekst. Eleven som forsker og kunstner*, Oslo (IKO-forlaget) 1996

## **KRISTENDOMMENS HISTORIE**

Rasmussen, Tarald og Thomassen, Einar: *Kristendommen. En historisk innføring*, Oslo (Universitetsforlaget) 2000.

Elstad, Hallgeir og Halse, Per: *Illustrert norsk kristendomshistorie*, Bergen (Fagbokforlaget) 2002.

Sidetal i disse eller tilsvarende bøker vert oppgjevne ved studiestart.

## **KRISTEN TRU OG LIVSTOLKING**

Redse, Arne: *Mennesket i Guds verden. Innføring i kristen livstolkning*, Bergen (Fagbokforlaget) 1999

## **RELIGIONAR OG LIVSSYN**

Rian, D. og L.G. Eidhamar: *Jødedommen og islam* (Høyskoleforlaget) Kristiansand 1999

s. 11-15, 24-30, 48-64, 67-70, 75-90, 119-225, 227-230, 244-249.

Jacobsen, K.A. og N.R. Thelle, *Hinduismen og buddhismen* (Høyskoleforlaget) Kristiansand 1999, s 38-63, 77-81, 137-139, 140-145, 177-248, 273-276, 277-278, 282, 289-299, 317-330

Redse, Arne, *Kinesisk religiøsitet*, Volda 1995, s 3-32.

Aadnanes, Per M., *Livssyn*, (Tano) Oslo 2002.

## **ETIKK OG FILOSOFI**

Hauge, L.S. og Holgernes, B.: *Tankebaner. En innføring i filosofihistorie*, bd-I, Kristiansand (Høyskoleforlaget) 1999, s.38-69, 92-103, 116-121, 138-150, 159-168.

Heiene, G. og Thorbjørnsen, S.O.: *Fellesskap og ansvar*, Oslo 1994, s.17-45, 71-186, 193-232, 251-265.

Myhre, B., Hva bør filosofi i skolen være? i: *Prismet* nr.2-1997, s.51-56.

Jacobsen, J.S., Ulike kilder - én etikk? i: *Prismet* nr.2-1997, s.88-94.

I tillegg maksimum 10 sider utdelt materiale

## **KROPPSØVING 1, 15 STUDIEPOENG (KRO101)**

### **I. Innleiing ( sjå rammeplanen)**

Kroppsøvingstudiet i allmennlærerutdanninga førebur for lærararbeid med barn, unge og vaksne. Faget set fokus på rørslelæring og kroppsleg vekst og utvikling. Studiet legg grunnlag for utvikling av kunnskap om og forståing for samanhengen mellom kropp, tanke og følelsar, mellom menneske, natur og kultur, og mellom kroppsbruk og refleksjon slik at læring og identitetsutvikling inngår i ein heilskap. Lærarar må ha god innsikt i leik som fenomen, i idrett, dans og friluftsliv, og i spørsmål knytt til verdien av rørslelæring og -meistring. Kroppsøvingsfaget si forankring i levande tradisjonar innanfor leik, idrett, dans, friluftsliv og helsearbeid gir eit godt grunnlag for arbeid innanfor alle skuleslag, frivillig organisert og uorganisert idrett og i annan privat og offentleg verksemd, herunder kultur- og fritidssektoren.

Kroppsøving 1 bygger på *Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning* (KUF 1999) og Lov av 12.05.1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler, med endringer i Lov av 28.06.2002. Fagplanen må sjåast i samanheng med rammeplanen for faget. Fagplanen konkretiserer innhald for måla i rammeplanen, organisering,

arbeidsformer, vurderingsordningar og pensumlitteratur. Det som står klart i rammeplanen vert ikkje teke med i fagplanen.

Studiefaget kroppsøving har sin eigenart i arbeidet med praktiske aktivitetar i aktivitetstiljø. Innhaldet i fagstudiet er difor i stor grad praktisk retta og i samsvar med det lærestoffet som er forpliktande for grunnskulen. Kroppsøvingssesjonen ved HVO sitt spesielle satsingsfelt er friluftsliv, fysisk aktiv leik og fysisk aktiv livsstil.

Kroppsøving 1 er har eit omfang på 15 studiepoeng.

Kroppsøving 1 vil også gå inn som ein del av Kroppsøving 2 og Kroppsøving 4 for dei som tek desse einingane.

Kroppsøving 1 skal primært førebu studentane til arbeid i grunnskulen, primært småskule- og mellomsteget. Kroppsøving 1 kan veljast som eitt av to praktiske fag i tredje studieår i allmennlærerutdanninga.

Studiet kan veljast i tredje studieår og det er ingen spesielle opptakskrav.

## II. Mål og målområde ( sjå rammeplanen s 89 - 91)

Målområda for Kroppsøving 1 er markert med I.

**Studentane på Kroppsøving 1 skal arbeide etter målområda, med ei slik arbeidsfordeling:**

- Sansemotorikk I 2 studiepoeng
- Leik I 2 studiepoeng
- Idrett I 4 studiepoeng
- Dans I 2 studiepoeng
- Friluftsliv I 2 studiepoeng
- Fagdidaktikk I 3 studiepoeng
- = 15 studiepoeng

## III. Fagleg innhald

Mål for kvart målområde sjå "Rammeplan og forskrift for 4-årig Allmennlærerutdanning"

### ***Sansemotorikk I***

Mål for målområdet Sansemotorikk I sjå rammeplanen s.89-90.

Målområdet sansemotorikk vil ikkje vere eit klart avgrensa emne, men inngå som ein naturleg del i alle praktiske aktivitetar. Nokre delemne vil imidlertid vere av ein slik karakter at dei må takast opp spesielt.

#### DELEMNE:

Fysisk og sansemotorisk utvikling og læring (born og unge):

- fysisk vekst og utvikling
- sansemotorisk utvikling og stimulering
- rørslelæring og meistring

#### Observasjon

- observasjon og analyse av kvalitet i rørsler i ulike former for fysisk aktivitet
- observasjon av rørslelæring og meistring med utgangspunkt i oppvekstvilkår og psykososiale samanhengar

#### Tilpassa opplæring og tilpassa læringsmiljø

- opplæring i kroppsøving som samsvarer med interesser, anlegg og føresetnader
- planlegging og tilrettelegging av varierte og stimulerande læringsmiljø med tanke på utforsking og eksperimentering med kroppen sine rørsler og uttrykksmåtar
- identifisering av forseinka og avvikande fysisk og sansemotorisk utvikling
- planlegging og tilrettelegging av læringsmiljø tilpassa barn og unge med særskilte behov.

### ***Leik I***

Mål for målområdet Leik I sjå rammeplanen s.90.

Leik vil naturleg også høyre heime under idrett, dans og friluftsliv.

**DELEMNE:**

Leik som fenomen

- leiken si betydning for mennesket si utvikling.
- ulike former for leik.

Tradisjonell leikkultur

- song- og rørsleleikar ute og inne.
- leik frå samisk kultur og andre kulturar.

Stimulerande leikemiljø

- leikemiljø som sikrar gutar og jenter likeverdige, varierte og stimulerande moglegheiter for livsutfalding, rørslemeistring og sosialt samvær.
- ulike rørsleleikar for ulike behov med utgangspunkt i grunnleggande rørsler og tilpassa opplæring.

**Idrett I**

Mål for målområdet Idrett I sjå rammeplanEN s.91.

Grunnleggjande rørsler

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med idrett.

**DELEMNE:**

Utvikling av grunnleggjande dugleik i:

- Orientering og naturleikar,
- Ballaktivitetar,
- Snø- og skiaktivitetar,
- Turn,
- Symjing
- Livberging
- Grunnleggjande prinsipp for livberging i vatn
- Hjarte- og LungeRedning (HLR)

**Dans I**

Mål for målområdet Dans I sjå rammeplanen s.91.

Grunnleggjande rørsler

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med dans.

**DELEMNE:**

- rytmisk aktivitet for barn og unge
- grunnleggjande dugleik i dans ved hjelp av lyd og rytme, sang og musikk

**Friluftsliv I**

Mål for målområdet Friluftsliv I sjå rammeplanen s.91.

Grunnleggjande rørsler

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med friluftsliv.

**DELEMNE (sjå "ekskursjonar" ):**

- Friluftsliv i nærmiljøet.
- Fjelltur med overnatting i telt og innføring i orientering
- Friluftsliv om vinteren.

**Fagdidaktikk I**

Mål for målområdet Fagdidaktikk I sjå rammeplanen s.91.

Fagdidaktikk skal utvikle studentane si evne til å planleggje, tilretteleggje, gjennomføre og vurdere undervisning i faget. Området krev innsikt i kroppsøvingsfaget sitt mål, innhald, arbeids- og vurderingsmåtar.

**DELEMNE :**

### **Kroppsøvingsfaget i L97**

- kroppsøvingsfaget i grunnskulen si samla omsorgs-, oppdragar og læringsfunksjon.
- forholdet mellom sansemotorikk, leik, meistring og konkurranse i relasjon til faget og skulen si målsetting.
- drøfting av undervisning som set søkelys på forholdet rus og kroppsultur.
- jenter og gutar si samhandling og evne til meistring av rørsler.
- samarbeid med foreldre og andre i og utanfor skulen.

### **Arbeidsmetodar**

- varierte metodar for undervisning og læring i kroppsøving.
- læringsmiljø som stimulerar allsidigheit, rørsleglede, utforskartrøng, kreativitet, samarbeid og likeverd.
- tverrfagleg tema- og prosjektarbeid som inkluderar kroppsøving og samtidig ivaretek kroppsøvingsfaget sin eigenart.
- ulike former for elevvurdering tilpassa læringsmål i faget.
- studentane skal kunne utarbeide grunnjevne planar for undervisning og læring i kroppsøving.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Studiet er lagt til femte og sjette semester i lærarutdanninga, dvs. til tredje studieår.

Studentane skal tileigne seg generell og spesiell teoretisk kunnskap og praktisk ferdigheit og innsikt i forhold til ulike typar fysisk aktivitet. Ein vil variere mellom klasseromsundervisning, gruppearbeid, sjølvstudium, ekskursjonar, aktivitetar i nærmiljø/ symjehall/gymsal der ein gjer bruk av ulike undervisningsmetodar og arbeidsformer. Kroppsøving krev varierte arbeidsformer som m.a. studentaktive - og tverrfaglege arbeidsformer og pedagogisk bruk av IKT. Praktisk-metodisk innføring i ulike emner krev aktiv deltaking frå studentane. Studentane vil få trening i å planlegge, tilrettlegge og gjennomføre praktisk lærerarbeid i kroppsøving.

Lærestoffet i dei praktiske timane skal utdjupe og gi lys til lærestoffet i dei teoretiske timane og omvendt. Studentane kan ikkje rekne med stor grad av fordjupning i dei praktiske timane, då det er mangfaldet vi prioriterer. Den praktiske undervisninga vil verte gitt både i heil og halv klasse.

Teoriundervisninga vert gitt som førelesningar i storgruppe, der vi slår saman alle allmennlærerstudentane som tek K1. I teoritimane vil vi ikkje kunne dekke alle sider ved pensumstoffet. Studentane må derfor rekne med å arbeide sjølvstendig med delar av pensum, anten individuelt eller i grupper.

Rettleiing skal supplere studentane sitt eige arbeid og er såleis eit viktig ledd i studentane si utvikling av eit reflektert forhold til fagstoffet og lærarrolla.

Informasjonsteknologi kan vere eit reiskap i kroppsøvingsfaget for eksempel i samband med informasjonssøking, arrangement og testing.

### ***Tilpassa opplæring i skuleverket***

Tilpassa opplæring er den grunnleggjande måten skulen skal drive opplæring på. Studentane må difor tileigne seg kunnskap og innsikt i nokre av dei utfordringane ein som kroppsøvingslærer vil møte for å kunne tilby alle elevar ei opplæring som tek utgangspunkt i den einskilde elev sin bakgrunn, føresetnader og behov. Tilpassa opplæring i skuleverket er ikkje eit klart avgrensa emne, men inngår som ein naturleg del i alle målområder.

### ***Kurs og ekskursjonar***

Det meste av undervisninga vil gå føre seg på HVO sine anlegg, baner, salar og symjehall.

### **Friluftsliv:**

Undervisninga vil i hovudsak verte lagt i nærmiljøet til HVO eller som småekskursjonar i Volda- og/eller Ørsta kommune.

To heile dagar vil bli nytta til fjelltur med overnatting i telt.

Studentane må rekne med reiseutgifter og fråvær frå heimen inntil 2 dagar.

### **«Barn og Snø»:**

Utgangspunktet for kurset er ei tverrfagleg vinkling av temaet "Barn og snø" der skileik, leik på ski, friluftsliv, leik, forming og drama i snø er sentrale stikkord. Kurset byggjer i stor grad på bruk av studentaktive læringsformer, og

studentane vil i grupper få tildelt ulike oppgåver av både teoretisk og praktisk art. Detaljert plan vert levert til studentane før kurset.

Kurset vert lagt til Bjorli p.g.a. ustabile snøtilhøve i vår region. Kurset startar søndag 02.03.2003 og vert avslutta fredag 07.03.2003. Studentane må sjølve ta kostnadane. Pris: ca. 600 for opphold, ca. 200 for heiskort, og evt. kr. 400 for buss tur/retur Volda.

### Observasjonsoppgåver

Hautsemesteret set vi at tid til å jobbe med observasjon av leikeplassar -og av småskuleborn i aktivitet.

#### *Observasjon av leikeplass.*

Studentane skal i basisgrupper observere og analysere leikeplassar i Volda og/eller Ørsta kommune etter gitte kriterier. Ekskursjonen er obligatorisk.

#### *Observasjon av småskuleborn.*

Småskuleborn kjem til å verte trekte inn i den praktiske undervisninga i samband med øving i observasjon av sansemotorikk. Dette for at studentane skal få praksisretta øving i undervisning og observasjon. Obligatorisk deltaking.

Observasjonsoppgåvene skal fyljast opp med etterarbeid og munnleg presentasjon for resten av klassa.

Presentasjonen er obligatorisk. Vi opnar her for bruk av IKT, video, drama m.m. ved framføringa. Faglærer vil kunngjere kriterier og arbeidskrav.

### **Praktisk-metodisk oppgåve med rapport**

Einskildvis og/eller i grupper skal studentane førebu og gjennomføre ei praktisk-metodisk oppgåve for medstudentar eller skuleborn. Førrettleiing er obligatorisk med faglærer ved oppstarten av denne oppgåva. I etterkant av gjennomføringa skal studentane levere ein rapport der planleggjing og gjennomføring av opplegget vert vurdert.

Tidspunkt for den praktisk-metodiske oppgåva vil gå fram av årsplanen som blir levert ut i starten av skuleåret.

Oppgåve, utforming av timeoppsett og presisering av innhald i rapporten vert gitt nærare beskjed om av faglærer.

Omfang på rapporten skal vere ca. 3 maskinskrivne sider.

Frå gjennomføringsdato av den praktisk-metodiske oppgåva har studenten ein frist på 14 dagar på å levere rapporten.

### **Tverrfagleg samarbeid**

Årstrinnsprofileringa 3. studieår er «Elev, skule, samfunn». Her vert kroppsøving saman med dei andre faga som ligg til 3. studieår; pedagogikk, NSM og heimkunnskap, sentrale.

Tverrfagleg tema- og prosjektarbeid er her ei aktuell arbeidsform.

### **Praksis**

Praksis blir gjennomført etter gjeldande plan for praksis i almennlærarutdanninga.

I 3.studieår skal studentane ha 6 veker praksis. 4 veker i haustsemesteret og 2 veker i vårsemesteret. Inkludert i denne praksisen er fagpraksis i kroppsøving.

Studentane skal i praksisperiodene få prøve ut fagleg kunnskap, reflektere over didaktiske problemstillingar og grunnngi undervisning fagleg og pedagogisk.

### **Studiekvalitetsarbeid**

Studiekvalitetsarbeid vert gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner godkjende ved Høgskulen i Volda. Sjå fellesinformasjon.

Det vert oppnemnt eit fagutval som skal vurdere studiet sitt faginnhald, organisering, arbeidsformer og vurderingsordningar. Fagutvalet skal delta i studiekvalitetsvurderingar og medverke i den årlege revisjonen av fagplana.

## **VURDERING**

### **Frammøte** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Det vert vist til "**Reglement for studentframmøte ved Høgskulen i Volda**" vedteke 18.04.96.

Det er obligatorisk frammøte til all praktisk undervisning i faget. Det er ikkje frammøtekrav til teoritimar, med unntak av teoritimar som er direkte førebuing til ekskursjonar og anna praktisk-metodisk verksemd. Viser elles til frammøtereglementet for HVO.

Frammøtet må vere av ein slik karakter at studenten viser interesse og aktiv deltaking i studiet. Aktiv deltaking er ein føresetnad for å få godkjent frammøte i faget.

Om ein student har stort fråvær i faget (20-30%), men ikkje større enn at han/ho kan få faget godkjent (minimum 70% frammøte), kan fråværet kompenseras ved visse typer arbeid. Døme på slikt arbeid kan vere:

- skriftlege praktisk- metodiske oppgåver
- skriftlege fag-teoretiske oppgåver
- praktisk undervisningsarbeid for medstudentar eller barnegrupper

Denne type arbeid kan også verte gitt til studentar som har vore lite aktivt deltakande i den praktiske aktiviteten p.g.a. sjukdom og skade.

Med utgangspunkt i kvart einskild tilfelle er det faglærer som avgjer kva type arbeid som må gjerast for å få studiet godkjent.

## **PRAKTISK AKTIVITET**

Den praktiske delen av studiet vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent, og gitt på grunnlag av observasjon av studenten i studietida.

Prestasjonar i dei praktiske emna, øvingsbilete, initiativ, deltaking og medansvar er med i vurderinga.

## **PRAKTISK-METODISK OPPGÅVE**

Denne oppgåva vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent av faglærer. Ved ikkje godkjent praktisk-metodisk oppgåve og/eller rapport skal studenten/studentane dokumentere kunnskap innanfor gitt oppgåve gjennom nytt, eller revidert skriftleg arbeid og munnleg prøving. Faglærer avgjer arbeidsomfang i kvart einskild tilfelle.

## **LIVREDNING MED HJARTE OG LUNGEREDNING**

*Alle studentar **må** bestå prøva i livredning og hjarte-lungeredning for å kunne gå opp til eksamen. (jf rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning.)*

Konkrete krav til denne prøva vert gjort greie for ved studiestart.

Vilkår for å gå opp til eksamen - førekrav/forprøver:

- Godkjent frammøte.
- Godkjent praktisk del av studiet.
- Godkjent praktisk metodisk oppgåve med rapport.
- Godkjent prøva i livredning og hjarte-lungeredning.

## **EKSAMEN**

Den endelege vuderinga i Kroppsøving 1 består av to komponentar der begge karakterane skal skrivast på vitnemålet/karakterutskrifta. Begge komponentane må vere bestått før ein får studiepoengutteljing.

### **1. MAPPEEKSAMEN (7 STUDIEPOENG)**

*Teoretisk fordjupning i leik og sansemotorikk.*

Kvar student skal iløpet av haustsemesteret levere ei individuell skriftleg oppgåve innanfor pensum i leik og sansemotorikk. Omfanget på oppgåva er 4-5 maskinskrivne sider. Nærare retningslinjer vert gitt av faglærer.

*Teoretisk fordjupning i fagdidaktikk.*

Studentane skal levere ei individuell skriftlig oppgåve innanfor pensum i fagdidaktikk. Oppgåva skal leverast i vårsemesteret, og omfanget er på 4-5 maskinskrivne sider. Problemstilling og evt. andre arbeidskrav blir kunngjort av faglærer.

### **2. PRAKTISK METODISK EKSAMEN MED MUNNLEG PRØVING (8 STUDIEPOENG)**

På slutten av studieåret skal studentane parvis gjennomføre ein praktisk metodisk eksamen.

Instruksjonsoppgåva vert kunngjort ca. 24 timar før gjennomføring. Studentane gjennomfører undervisninga i det tema som er gitt i oppgåva med medstudentar. Instruksjonen skal vare i ca. 20-30 minutt. Etter instruksjon blir det 10-15 minutt med individuell munnleg eksaminasjon med prøving av kunnskap knytt til oppgåva og den praktiske gjennomføringa.

Karakterane vert gitt etter ein skala fra A til F med A som beste karakter, og E som lavaste ståkarakter.

## **KRAV FOR Å FÅ GODKJENT KROPPSØVING 1:**

a) Prøva i livredning og hjarte-lungeredning må vere godkjent.

- b) Godkjent praktisk - metodisk oppgave med rapport.
- c) Ståkarakter (A - E) på Mappe og Praktisk - metodisk oppgave med munnleg prøving. Godkjent frammøte i alle obligatoriske studiedelar.
- e) Godkjent praktisk aktivitet
- f) Gjennomført alle kurs og ekskursjonar
- g) Observasjonsoppgåvene må vere godkjent.

## PENSUM

Greta Langlo Jagtøien/sen/Kolbjørn Hansen: *I bevegelse. Sansemotorikk, leik, observasjon*. Gyldendal, Oslo. 2000  
Ingjerd Hollekim/Inger Marie Vingdal: *Mestring og glede. Fra grunnleggende bevegelser til idrett og dans*. Gyldendal, Oslo. 2000  
Turid Blix: *Lær å svømme*. Norges Svømmeforbund, Oslo. 1993  
Asbjørn Flemmen: *Skileik*. Universitetsforlaget, Oslo. 1990  
KUF: *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen*. Oslo. 1996 (Kroppsoving s. 263- 275)  
Elisabeth Innselset/Frode Sætre: *Kompendium. Kroppøvningsdidaktikk K1*. Høgskulen i Volda. 2001  
Kopiar og kompendium utlevert av faglærer.

## KUNST OG HANDVERK 1, 15 STUDIEPOENG (ALKU1)

Fagplanen bygger på Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning

Denne planen gjeld for studentar som startar allmennlærerutdanning hausten 2002. For studentar som starta utdanninga hausten 2001, viser vi til fagplan i studiehandboka 2001 - 2002.

Kunst og handverk er eit estetisk fag, og har sin hovudtyngde knytt til praktisk skapande arbeid med form og farge i ulike materialar. Faget tek opp i seg praktiske handverkstradisjonar og særeigne kunstnariske arbeids- og erkjenningmåtar der både sansing, intuisjon og refleksjon inngår.

Dei sentrale målområda for studiet er:

- fagdidaktikk
- bilde
- skulptur
- bruksform

Studieeininga omfattar breidda i faget og vil fokusere faget i tema- og prosjektarbeid, og i fleirfagleg samanheng. Kunst, formkultur og arkitektur inngår i dei fire målområda.

## FELLESMÅL

Gjennom arbeid med målområda skal studentane:

- Tileigne seg fagleg- og fagdidaktisk kompetanse
- Kunne lyfte fram den estetiske dimensjonen i skulen
- Utvikle evna til kreativ tenking og handling
- Utvikle visuell og kulturell kompetanse

Viser elles til meir detaljerte målformuleringar i rammeplanen.

## MÅLOMRÅDE / INNHOLD

### Fagdidaktikk

Fagdidaktikken tek opp i seg samanhengen mellom fagleg og didaktisk kunnskap, og refleksjon over praksis. Med bakgrunn i rammeplanen skal studentane tileigne seg kunnskap om:

- Estetikk, kreativitet og skapande prosessar
- Barn si to- og tredimensjonale formspråkutvikling
- L-97 - innhald, arbeidsmåtar og vurdering
- Undervisningsplanlegging, tilpassa opplæring i skuleverket og vurdering



- Bruk av IKT-baserte læringsformer
- Kunst - og formkultur, ulike uttrykks- og formidlingsformer og enkelt analysearbeid.

### **Bilete**

Målområdet omfattar kunnskap *om*, og erfaring *med* skapande bildeprosessar i ulike materialar og uttrykksformer, og tek opp i seg arbeid med form, farge og komposisjon gjennom estetiske element og funksjonar. Studentane skal beherske enkle former for digital bildehandsaming, og erfare korleis eige skapande arbeid kan knytast opp mot oppleving og studium av ulike kunstuttrykk.

Studentane skal arbeide skapande innafor følgjande materiale og teknikkar:

- Teikning
- Måling
- Grafikk
- Foto
- Digitale bilete

### **Bruksform/skulptur**

Målområdet omfattar studie av bumiljø og bruksformer frå ulike tider og stader, studie av skulptur, relieff eller installasjon som kunstuttrykk, samt studie av faktorar som verkar inn på form og funksjon. Formgiving av eigne bruksformer og erfaring med ein enkel designprosess står sentralt. Eige skapande arbeid blir òg knytt opp til born sin leik der ein mellom anna ser på skulpturarbeid som uttrykksform.

Studentane skal praktisk arbeide med:

- Tekstil
- Trearbeid
- Leire

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Studiet er lagt til andre og tredje semester i allmennlærerutdanninga. Studiet er i hovudsak konsentrert kring praktisk arbeid med bilete, skulptur og bruksform i dei ulike verkstadane. Fagdidaktikken er ein integrert del av faget.

Studiet legg opp til studentaktive arbeids- og undervisningsformer og det vert forventa at studentane tek ansvar for eiga læring, både i organisert opplæring og i sjølvstudium. Det vil bli lagt vekt på problembaserte og prosessorienterte oppgåver der tilnærminga vil vere leikprega eksperimentering og utforsking av materiale og teknikkar. Verkstadane vil difor være tilgjengelege utanom undervisningstid. Ein føreset at ordens- og vedlikehaldsarbeid av reiskap og verkstad vert praktisert. Det er obligatorisk frammøte til all undervisning på verkstadane. Studentar som er borte frå undervisninga har sjølve ansvar for å orientere seg om kva som har vore arbeidd med.

- Modul A: I vårsemester fyrste studieåret vil studiet i hovudsak vere grunnleggjande opplæring i dei ulike verkstadane; tre, leire, teikning og tekstil.
- Modul B: I haustsemesteret andre studieåret vil studentane få høve til fordjupe seg innafor eit avgrensa mål- og materialområde som kvar einskild student vel sjølv. Kunst- og formkultur og fagdidaktikk skal vere ein del av prosjektet.

## **TVERRFAGLEG ARBEID OG PROSJEKT.**

Kurset skal spesielt kvalifisere for å bruke faget i tema- og prosjektarbeid og i tverrfagleg samanheng. Delar av studiet vil bli organisert i faglege og/eller tverrfaglege tema som t.d. byrjaropplæring og forteljing. I tillegg vil prosjekt vere arbeidsforma i haustsemesteret.

## **BRUK AV IKT**

IKT er ein integrert del av studiet, både som sjølvstendig skapande medium innafor biletområdet og som dokumentasjon og understøtting i læringsprosessane generelt. Vi bruker Classfronter som kommunikasjonsverktøy og Adobe photoshop i biletundervisninga.

## **PRAKSIS**

Å ha tett kontakt med praksisfeltet er ein viktig del av studiet. Vi freistar så langt det er råd å få til ein samanheng mellom aktiviteten i faget på høgskulen og innhaldet i praksisen. Med IKT som kommunikasjonsform er kontakt, planlegging og gjennomføring av praksis enklare både for studentar og øvingslærarar. I samarbeid med faglærarar og øvingslærarar vel studentane tema som er tilpassa det klassesteget og den skule dei har praksis på. I praksisen er det viktig at studentane får prøve ut faglege kunnskap, reflektere over didaktiske problemstillingar og grunnngi opplæringa fagleg, pedagogisk og didaktisk.

## **MATERIALPENGAR**

Av praktiske grunnar blir det kjøpt inn ein del felles materiale. For dette må studentane betale kr. 450.- til saman for begge semestra ( 200 + 250). Dette vil dekke utgifter til utprøving og mindre oppgåveløysingar. Utanom dette må studentane halde seg materiell sjølve.

## **STUDIEEVALUERING**

Det vil bli danna eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantane saman med fagansvarleg lærar kontinuerleg evaluerar kurset. Gruppa skal ha jamlege møte og der læringsmiljø, gjennomføring, vektlegging og faginnhald blir vurdert.

### **VURDERING og eksamen**

Gjennom studiet skal det vere både ei formell og ei uformell vurdering. Den uformelle vurderinga er ein viktig del av studentane sin læreprosess og den vert integrert i undervisninga i dei ulike fagområda. Studentane skal òg utvikle evne til å vurdere og reflektere over eige arbeid og arbeidsprosess. Framlegging av arbeid vil saman med dokumentert prosess danne grunnlag for samtale og drøfting om eige og andre sitt arbeid. I denne samtalen vil bruk av fagterminologi og verbalisering knytt til refleksjon vere sentral, og medlæring vil vere eit pedagogisk verkemiddel.

## **VILKÅR FOR Å KUNNE GÅ OPP TIL EKSAMEN**

- For å kunne fortsette i andre semester, må oppgåvene frå Modul A vere godkjent.
- Godkjent frammøte etter gjeldande reglar.
- Alle oppgåver skal vera utførte i studiet og innleverte til avtalt tid.

## **EKSAMEN**

Karakter i Kunst og handverk 1 vert sett på grunnlag av ei vurdering av

- Modul B: Utstilling/vurdering av prosess/produkt/kunst og formkultur og fagdidaktikk frå fordjupingsperioden med munnleg eksamen.

Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

### **LITTERATUR**

Gunnar Danbolt "Blikk for bilder" Abstrakt Forlag A/S 2002

ISBN 82-7935-046-2 Heile boka ( 76 s.)

Teigen/ Thorsnes "En visuell innføring" Abstrakt forlag: 1998

ISBN 827935-002-0 Heile boka (191s)

A. Haabesland/R.E. Vavik "Kunst og håndverk -hva og hvorfor" Stord lærerhøgskole:1989

ISBN 82-90-909-004 226 (s. 65-207)

KUF L97, Generell del, og Fagplan for Kunst og handverk, 1997

(s. 190 - 203)

Kjersti Timenes "Teknikker og oppgaver" Høyskoleforlaget 1997

ISBN 82-7634-074-1 Heile boka(112 s)

Britt Ring Amundsen "Teikning, form og farge" Aschehoug 1991 (s. 8 - 86)

Vasset, Th. "Treverktøy" og "Norske treslag"

Kvisli, Olav "Forming i leire"

NB! Vi tek atterhald om endringar i pensumlista.

## **MATEMATIKK 1, 30 STUDIEPOENG (MAT101/MAT105)**

### **Innleiing**

## **OMFANG**

Studieeininga gir 30 studiepoeng.

## **MÅLGRUPPE**

Studieeininga er obligatorisk i allmennlærerstudiet, og er lagt til første studieåret. Studieeininga vert også tilbode som fag- og vidareutdanning for lærarar som ikkje har matematikk i si grunn-utdanning.

## **OPPTAKSKRAV**

Studieeininga krev generell studiekompetanse.

Det er ein føresetnad at studentane beherskar matematikk på grunnskulenivå, eller ved ekstra innsats tileignar seg slik forkunnskap. Det vert gitt tilbod om forkurs til dei som treng hjelp til å tileigne seg viktige delar av grunnskulematematikken.

### **Mål**

Rammeplanen gir fem målområde for studieeininga:

- Kunnskap i matematikk
- Didaktikk
- Matematikk som skapande og resonnerande verksemd
- Matematikk som reiskap og metode
- Matematikk i kultur og samfunn

Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av måla for studieeininga.

### **Innhald**

Innhaldet i studieeininga femner om dei fem målområda som er nemnde over. Innhaldet er tematisert med utgangspunkt i følgjande emne:

- Byrjaropplæring
- Fagdidaktikk
- Tallære
- Geometri
- Algebra
- Funksjonslære
- Statistikk og sannsynsrekning

Alle emna inneheld ein fagleg og ein fagdidaktisk del som utgjer eit heile. Innan for ramma av kvart emne vert såleis relevante didaktiske tema tekne opp.

Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av innhaldet i studieeininga.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studieeininga legg opp til varierte arbeidsformer slik at studentane sjølve skal få erfaringar med matematikk som skapande og resonnerande verksemd, og få gjere seg kjende med ulike reiskap og metodar. Nokre av desse arbeidsformene vil stille store krav til studentane når det gjeld evne til sjølvstendig arbeid, samarbeid og initiativ for å fremje eiga og medstudentar si læring. Det vert forventa at studentane brukar rikeleg med tid til å arbeide med pensum på eiga hand. Det vil også bli lagt vekt på å leggje tilhøva til rette for kontakt mellom lærarar og studentar, slik at den einskilde studenten kan få den hjelp han treng.

## DOKUMENTASJON AV LÆRING GJENNOM STUDIET

For å støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet, er vurderingsordninga utforma som ein del av arbeidsmåtane i studieeininga. Studentane skal gjennom studiet dokumentere ulike typar arbeid i ei digital dokumentasjonsmappe (sjå avsnittet om vurdering og eksamen). Krava til innhald og omfang av dei enkelte mappeneinnlegga vert gjort offentleg ved studiestart.

## ARBEIDSFORMER

I dei ulike arbeidsformene vert følgjande gruppeinndeling nytta; plenum, seminar (20 stk), basis (4 stk) og individ. Ein kan grovt dele inn arbeidsformene slik:

### · Sjølvstudium og kollokvium

\_ Studentane er sjølv ansvarlege for å tileigne seg pensum i studieeininga, ikkje alt vert omhandla av den lærarorganiserte delen av studiet. I samband med dette vert studentane oppfordra til å danne kollokviegrupper.

### · Utforsking og problemløysing - oppgåvedrøfting i seminar

\_ Studentane skal arbeide med oppgåver som krev ein utforskande og problemløysande arbeidsmetode, både individuelt og i basisgrupper. Det vert forventa at studentane tek aktiv del i gjennomgangen og drøftinga av oppgåvene i seminartimane.

### · Arbeid med didaktiske refleksjonsoppgåver -- vurdering av medstudentar sine didaktiske refleksjonsoppgåver

\_ Det vert gitt didaktiske refleksjonsoppgåver som studentane skal arbeide med, og formulere individuelle svar på. Kvar student skal gi tilbakemelding på medstudentar sine arbeid. Både svara og tilbakemeldingane skal leggest i dokumentasjonsmappa og vert såleis ein del av vurderingsgrunnlaget i studieeininga.

### · Studentpresentasjonar om utvalde tema - vurdering av medstudentar sine presentasjonar

\_ Basisgruppene får tildelt ulike faglege emne frå pensum som dei får i oppgåve å presentere for seminargruppa. Medstudentane skal vurdere og gi tilbakemelding på presentasjonane. Både presentasjonsmaterialet og tilbakemeldingane skal leggest i dokumentasjonsmappa og vert såleis ein del av vurderingsgrunnlaget i studieeininga.

### · Forelesingar om utvalde tema

\_ I plenumsamlingane vil ein hovud---sakleg fokusere på spesielt viktige delar av pensum. Det vert ikkje gitt forelesingar i heile pensumet. Før kvar forelesing vert det gitt oppgåver som skal førebu studenten til temaet for forelesinga. For å få fullt utbytte av forelesinga bør studenten ha arbeidd med desse oppgåvene.

## BRUK AV IKT

Studieeininga nyttar ClassFronter som eit verkty for læring og kommunikasjon. Det er difor ein føresetnad at studentane held seg kontinuerleg oppdatert om den informasjonen som vert lagt ut, og aktivt tek del i dei læringsprosessane det vert lagt opp til ved hjelp av dette verktyet. Ein del av kommunikasjonen vil også gå via e-post, det er difor viktig at studentane les e-post regelmessig.

Studentane skal få erfaringar i vurdering og bruk av pedagogisk programvare, digitale læremiddel og generelle verktyprogram som til dømes rekneark.

## PROSJEKTARBEID

Studentane skal gjennomføre eit prosjektarbeid der dei får øving i den hypotetisk-deduktive arbeidsmetoden. Prosjektarbeidet skal dokumenterast digitalt, og inngår som ein del av den avsluttande vurderinga i studieeininga (sjå avsnittet om vurdering og eksamen).

## TILPASSA OPPLÆRING

Kartlegging av enkeltelevar og elevgrupper sine forkunnskapar i ulike matematiske emne er ein viktig del av planleggingsarbeidet ein matematikklærer må gjere. Kjennskap til elevane sine forkunnskapar er avgjerande for å kunne skape gode læreprosessar som tek utgangspunkt i det eleven kan gjennom tilpassing og differensiering. Dette gjeld alle elevar, men er særleg viktig i arbeid med elevar med matematikkvanskar og elevar med spesielle anlegg for matematikk.

Diagnostisk undervising og andre måtar å kartleggje kunnskapar på er ein del av pensum. Dette er problemstillingar som vert særskild handsama gjennom dei arbeidsoppgåvene studentane får i samband med praksis.

## PRAKSIS

Dei 30 dagane studentane er i praksis skal knytast opp mot studieeininga gjennom særskilde arbeidsoppgåver. Praksis vert på denne måten ein obligatorisk del av studieeininga. Studentane skal gjennomføre ei arbeidsoppgåve som inne-ber arbeid med barn eller elevar. Denne arbeidsoppgåva skal gjerast i samband med praksis.

Dei som tek denne studieeininga som fagutdanning skal utføre eit alternativt arbeidskrav, sjå kapittelet om fag og vidareutdanning ein annan stad i studiehandboka.

## TVERRFAGLEG SAMARBEID

Norsk, pedagogikk og matematikk samarbeider om det tverrfaglege temaet byrjaropplæring gjennom eit felles trevekes studieopplegg.

## FOU-TILKNYTING

Matematikkseksjonen deltek i eit forskings- og utviklingsprosjekt (PLUTO) som tek sikte på å auke den didaktiske bruken av IKT i studieeininga. Studentane vil bli trekte med i dette FoU-arbeidet, spesielt gjennom vurdering og evaluering av IKT-delen av eininga.

## STUDIEKVALITETSARBEID

Studieeininga har eit eige fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantar frå kvar seminargruppe deltek i ei kontinuerleg utvikling av eininga.

## VURDERING OG EKSAMEN

Vurderingsordninga er utforma som ein del av arbeidsmåtane i studieeininga med tanke på å støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet.

## VILKÅR FOR Å GÅ OPP TIL MUNNLEG EKSAMEN - ARBEIDSKRAV

Før studenten kan gå opp til den avsluttande munnlege eksamenen må han avlegge to godkjende individuelle skriftlege prøver. Prøvene vert vurderte av faglærer som godkjent/ikkje godkjent, og studenten får to forsøk til å bestå kvar prøve.

Før studenten kan gå opp til den avsluttande munnlege eksamenen må han i tillegg få godkjent den digitale dokumentasjonsmappa. Krava til innhald, omfang og innleveringstidspunkt for dei ulike elementa i dokumentasjonsmappa vert gjort offentleg ved studiestart.

*Krava til tal på dei ulike elementa i dokumentasjonsmappa er:*

- 10 svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (individuell arbeid)
- 10 vurderingar av medstudentar sine svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (individuell arbeid)
- 1 svar på kasusoppgåve om byrjaropplæring (gruppearbeid)
- 3 vurderingar av medstudentar sine svar kasusoppgåver om byrjaropplæring (gruppearbeid)

- 2 presentasjonar av faglege emne (gruppearbeid)
- 6 vurderingar av medstudentar sine presentasjonar av faglege emne (individuellt arbeid)

Det skal veljast ut element frå dokumentasjonsmappa som skal utgjere ei **vurderingsmappe**. Innhaldet i vurderingsmappa skal vere:

- 3 svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (2 valt av studenten og 1 valt av faglærer)
- 3 vurderingar av medstudentar sine svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (2 valt av studenten og 1 valt av faglærer)
- 1 svar på kاسوبpgåve om byrjaropplæring (valt av studenten)
- 1 vurdering av medstudentar sitt svar kاسوبpgåve om byrjaropplæring (valt av studenten)
- 1 presentasjon av fagleg emne (valt av studenten)
- 1 vurdering av medstudent sin presentasjon av fagleg emne (valt av studenten)

## **EKSAMEN**

Den endelege formelle vurderinga byggjer på to uavhengige komponentar:

- Eit prosjektarbeid gjennomført i grupper.
- Ein individuell munnleg eksamen. Denne eksamenen omfattar både spørsmål frå pensum og forsvar av vurderingsmappa. Det er høve til å framstille seg for munnleg eksamen sjølv om ikkje prosjektarbeidet er levert/godkjent.

Den endelege karakteren vert utrekna som eit vekta gjennomsnitt med 25 % vekt på prosjektarbeidet og 75 % vekt på den munnlege eksamenen. For å få godkjent karakter, må begge komponentane vere god-kjent. Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

## **PENSUM**

### **PENSUMLITTERATUR**

- Marit Johnsen Høines (1998): Begynneropplæringen - fagdidaktikk for barnetrinnets matematikkundervisning, 2. utgåve, Caspar Forlag.
- Kjartan Tvette og Bjørg Kristin Selvik (1999): Matematiske sammenhenger - Tallære, Caspar Forlag.
- Christoph Kirfel, Hans-Jørgen Brucker og Olga Herbjørnsen (1998): Matematiske sammenhenger - Geometri, Caspar Forlag.
- Bjørg Kristin Selvik, Reinert Rinvold og Marit Johnsen Høines (1998): Matematiske sammenhenger - Algebra og funksjonslære, Caspar Forlag.
- Knut Ole Lysø (1999): Matematiske sammenhenger - Statistikk og sannsynlighetsregning, Caspar Forlag.
- Marit Johnsen Høines (2002): Matematiske sammenhenger - Didaktikk, Caspar Forlag.

I tillegg kjem utdelt materiale/materiale lagt ut på ClassFronter, som til dømes oppgåver. Det vil bli utarbeida ei detaljert pensumliste.

### **STØTTELITTERATUR**

- Trygve Breiteig og Rolf Venheim (1998): Matematikk for lærere 1, 3. utgåve, Tano Aschehoug.
- Trygve Breiteig og Rolf Venheim (1999): Matematikk for lærere 2, 3. utgåve, Tano Aschehoug.
- Geir Botten (1999): Meningsfylt matematikk - nærhet og engasjement i læringen, Caspar Forlag.
- Olga Herbjørnsen (1998): Rom, form og tall - Matematikdidaktikk for barnetrinnet, Tano Aschehoug.
- Christoph Kirfel (1994): Eksperimentering med matematikk, Caspar Forlag.
- Stieg Mellin-Olsen og Nora Lindén (1997): Perspektiv på matematikkvansker, 2. utgåve, Caspar Forlag.

- Ann Ahlberg (1996): Barn og matematikk, Cappelen Akademiske Forlag.
- Bjørnar Alseth (1998): Matematikk på småskoletrinnet, Nasjonalt læremiddelsenter.
- Geir Tufteland et al (1998): Matematikk 1 - For allmennlærerutdanningen, Bind 1 & 2, Universitetsforlaget.
- Olav Nygaard, Per Sigurd Hundeland og Petter Pettersen (1999): Aha - Matematikk og matematikdidaktikk, 2. utgåve, Høyskoleforlaget.

## MUSIKK 1, 15 STUDIEPOENG (MUS101)

### Innleiing

Musikk 1 er ein del av PLUTO-prosjektet (sjå felles informasjon). Dette inneber mellom anna utvida bruk av IKT og forsøk med alternative arbeidsformer, noko som igjen kan medføre endringar i gjeldande fagplan - også i løpet av studiet.

Fagplanen byggjer på Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet sin Rammeplan og forskrift av 01. juli 1999. Rammeplanen skildrar faget sin eigenart og generelle mål, og omtalar også musikkfaget i opplæringsystemet.

I allmennlærerutdanninga er faget organisert i studieeineringane Musikk 1 (15 studiepoeng), Musikk 2 (30 studiepoeng) og Musikk 3 (30 studiepoeng). Desse einingane skal byggje på kvarandre etter spiralprinsippet.

*Musikk 1* ligg i første og andre året i grunnutdanninga, med 7,5 studiepoeng første året (vårsemesteret) og 7,5 studiepoeng det andre året (haustsemesteret). *Musikk 2* og *Musikk 3* kan takast i 4. studieår eller som vidareutdanning.

### Mål

Sjå Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga.

### innhald (Målområde)

Dei fem målområda er:

**1. Musisere, 2. Danse, 3. Komponere, 4. Lytte 5. Reflektere og integrere (fagdidaktikk).**

For meir informasjon: sjå Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga kap.3.9..

### Organisering og arbeidsformer

Musikk 1 er lagt til andre og tredje semester i allmennlærerutdanninga, d.v.s. vårsemesteret første studieår og haustsemesteret andre studieår. Studiet har til saman 120 undervisningstimar, fordelt på 10 veker i vårsemesteret og 10 veker i haustsemesteret. Kvar veke har 5-7 undervisningstimar. Undervisninga vil gå over to vekedagar.

Organiseringa vil variere mellom undervisning i storgruppe (t.d. kor), klasse og mindre grupper. Einskilde disiplinær kan bli lagt i blokk. Arbeidsformene vil veksle mellom førelesingar, verkstadarbeid og arbeid i mindre grupper.

Studiet føreset stor grad av sjølvstendig arbeid / eigenøving utover dei timeplanlagde timane.

All undervisning i musikkfaget er obligatorisk. Godkjent frammøte er ein føresetnad for å kunne framstille seg til avsluttande vurdering.

### IKT

Studentane får eit innføringskurs i bruk av dataprogram for notasjon / sekvensering (t.d. Musicator). Studentane skal kunne gjere enkle innspelningar for opp til seks instrument, rette feil og redigere innspelningane. Nokre enkle arrangeringsteknikkar blir gjennomgått. Kurset blir organisert i grupper i forhold til maskinkapasitet og går over ti timar i vårsemesteret.

## TILPASSA OPPLÆRING

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

- musikkpedagogisk verksemd for elevar med ulike føresetnader og tilpassningsbehov
- musikkpedagogisk verksemd for elevar med ulik norsk og framandkulturell bakgrunn

For meir informasjon: sjå Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga kap.3.9.

## **STUDIEEVALUERING**

Kvar klasse utnemner i starten på første semester i faget ein representant til ei gruppe som saman med faglærarar tek seg av dette arbeidet. Gruppa skal gå gjennom planen for kvart semester og godkjenne denne. Gruppa skal kvar månad - eller etter behov - kallast saman og eventuelt gjere endringar.

For meir informasjon : sjå felles informasjon.

## **PRAKSIS**

Sjå felles informasjon.

### **Vurdering og eksamen**

## **FORKRAV**

Studenten må ha godkjent frammøte for å kunne framstille seg for eksamen. All undervisning i faget er obligatorisk. Vurderinga byggjer på prøver og obligatoriske arbeid.

## **FORKRAV I VÅRSEMESTERET:**

Kvar student skal ta del i minst to framføringar der ein set saman program ut frå arbeid innan hovudområda Musisere og Danse.

Ei prøve i musikkteori blir halden mot slutten av vårsemesteret og vert vurdert etter skalaen godkjent/ikkje godkjent.

## **FORKVAR I HAUSTSEMESTERET:**

For å kunne framstille seg til eksamen må studenten ha godkjent frammøte, ha utført obligatoriske oppgåver, fått godkjent på prøver i musikkteori og spel, kordeltaking og evt. prosjektarbeid. Eigenvurdering og vurdering av medstudentar sine arbeid inngår som del av eksamen.

## **EKSAMEN**

Endeleg karakter i Musikk 1 byggjer på fire komponentar:

Vurdering av arbeid - mappevurdering (to mapper):

1.Eitt individuelt obligatorisk arbeid i målområdet Reflektere og integrere. Vekting: 1/5

2.Eitt individuelt obligatorisk arbeid i målområdet Lytt(mus.orientering). Vekting: 1/5

Skriftleg eksamen:

3.Eit individuelt obligatorisk arbeid i målområdet Komponere levert innan november. Vekting: 1/5

Praktisk / munnleg eksamen:

4.Dette er ei prøve med vekt på målområda Musisere og Danse. Prøva kan organiserast som gruppeprøve. Vekting: 2/5

Det vert gitt bokstavkarakter etter skalaen A-F, der A - E blir nytta for stått og F for ikkje stått.

### **Pensumlitteratur og andre kunnskapskjelder**

Knut Djupdal: "Musikkteori"

Refvik/Paulsen: "Alle tiders musikk"

Tom Gravlje: "Sang for alle"

Repertoaret for koret

Kompendium utgjevne av faglærarar.

Programvare for notasjon/sekvensering

Tillegg:

CD-samling med aktuelt lyttestoff

- NAXOS, KLASSISKE FAVORITTER, VOL 1 (3 CD)

Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen

Aktuelle musikkverk for grunnskulen



NB: Litteraturlista vil bli oppdatert ved semesterstart for å få med eventuelle nye titlar.

## **NATUR, SAMFUNN OG MILJØ, 30 STUDIEPOENG (NSM101)**

### **INNLEIING**

Natur- Samfunn og Miljø (NSM) er ei tverrfagleg studieeining som tek opp miljømne som byggjer på fagstoff frå naturfag og samfunnsfag. Stoffet er organisert i målområde der faget med størst del er regifag. Andre fag vert trekte inn der det er naturleg.

Trafikkopplæring vert gjeven som eit obligatorisk kurs organisert under NSM.

Eininga følgjer Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning pr. 01.07.99, heretter kalla rammeplanen.

Fagplanen presiserer korleis studiet vert lagt opp ved Høgskulen i Volda med tanke på å nå målområda i rammeplanen. Fagplanen utgjer saman med rammeplanen, det grunnlaget ein skal arbeide etter i dette faget som strekkjer seg over 3. studieår ved allmennlærerutdanninga. Sjå rammeplanen s.141.

### **MÅL**

Målformuleringane i rammeplanen (s.142-145) gir uttrykk for den kompetansen lærarstudentane skal ha ved fullført studium.

### **INNHALD (MÅLOMRÅDE)**

Innhaldet i studiet er direkte knytt til innhaldet i *rammeplanen sine målformuleringar*. Den einskilde høgskulen skal i følgje rammeplanen legge opp til eitt eige målområde. Ved Høgskulen i Volda er det valde målområdet "Lokal Agenda 21- Tenke Globalt og Handle lokalt".

Følgjande oversyn viser regifaget og vekting av dei ulike målområda. Regifaga er Naturfag og Samfunnsfag, og i studiet vil ein vektlegge det tverrfaglege innan dei ulike målområda.

## **MILJØUNDERVISNINGA SINE GRUNNLAGSPROBLEM OG DIDAKTIKK (ARBEIDSOMFANG 3 STUDIEPOENG)**

Regifag: Samfunnsfag

Sjå Rammeplanen s.143.

Ein vil arbeide med delar av dette målområdet før praksisperioden. Elles vert det aktualisert i samband med dei ulike målområda.

## **ENERGI OG TEKNOLOGI (ARBEIDSOMFANG 6 STUDIEPOENG)**

Regifag: Samfunnsfag

Sjå Rammeplanen s 143-144.

Ein vil arbeide med forholdet mellom menneskesamfunn og natur både ut frå eit historisk og eit notidig perspektiv. Sentralt er og energikjelder, bruk og miljøproblem knytt til dei, ressursknappleik, ENØK og alternative energikjelder.

Ein tek i hovudsak sikte på å arbeide med dette målområdet i vårsemesteret.

## **STOFF, RESSURSAR OG KRINSLAUP. (ARBEIDSOMFANG 4,5 STUDIEPOENG)**

Regifag: Naturfag

Sjå Rammeplanen s.144.

PLUTO-prosjektet vil verte sentralt i arbeidet med dette målområdet. Det vert lagt opp til eit obligatorisk gruppearbeid med tett oppfølging frå faglærer som skal erstatte delar av den tradisjonelle undervisninga. Arbeid i samband med gruppearbeidet vil gå inn i ei mappe som skal vurderast og såleis erstatte eksamen i dette delemnet. Ein vil arbeide med målområdet i haustsemesteret, då det heng saman med målområdet økosystem, naturmiljø og lokalsamfunn.

## **UTVIKLING, BEFOLKNING OG FORDELING (ARBEIDSOMFANG 6 STUDIEPOENG)**

Regifag: Samfunnsfag

Sjå Rammeplanen s.144.

Ein vil særleg arbeide med global ulikskap og ressursfordeling i eit Nord-Sør-perspektiv, og mellom anna med døme frå Afrika. Kunnskap om arbeid i FN og andre organisasjonar, miljø og globalisering, utvikling og utviklingsteoriar, berekraftig utvikling og "felles framtid" er sentrale tema.

Ein tek sikte på å arbeide med dette målområdet i vårsemesteret.

## **ØKOSYSTEM, NATURMILJØ OG LOKALSAMFUNN (ARBEIDSOMFANG 5,25 STUDIEPOENG)**

Regifag: Naturfag

Sjå Rammeplanen s145.

Studiet tar sikte på å nå målområdet ved å studere:

Generell økologi. - Økosystem, med særleg vekt på skog, teoretisk og med feltarbeid/ekskursjonar. Skogen som ressurs og miljøproblem dette skaper. - Biologisk mangfald. - Forvaltningsproblematikk lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Ein tek sikte på å arbeide med dette målområdet i haustsemesteret.

## **VALT MÅLOMRÅDE: LOKAL AGENDA 21 - «TENKE GLOBALT OG HANDLE LOKALT» (ARBEIDSOMFANG 4,5 STUDIEPOENG)**

Regifag: Naturfag.

Arbeid med målområdet skal ta sikte på å gi studentane innsikt og kunnskap om kva oppgåver vi har i nærmiljøet for å skape ei berekraftig utvikling. Dette har stor relevans for miljøundervisning i grunnskulen. Prosjektarbeidet kan gi kunnskap og innsikt i lokale miljøproblem, skape handlingskompetanse og engasjement. Dermed kan arbeidet med dette målområdet vere sentralt for å oppnå Miljøfaget sine holdnings- og handlingsmål.

Under mottoet «Tenke Globalt og Handle Lokalt», vil vi gi ei orientering om Agenda 21, med vekt på Lokal A21, og rette søkelyset mot lokale og regionale miljøproblem.

Arbeidsmåten her skal i hovudsak vere prosjektarbeid. Emna for prosjektarbeida kan i tillegg til lokale forhold, ha eit nasjonalt og globalt perspektiv. Dei kan t.d. verte knytt til utnytting av ressursane våre, biologisk mangfald, transport, energibruk, avfall, forbruksvarer, forureining, urbanisering, natur- og miljøvernarbeid, miljøundervisning.

Ein set av 3 veker før praksis i vårsemesteret til å arbeide med dette målområdet.

Det vert gjeven karakter som tel på prosjektarbeidet. Det må vere godkjent for å gjennomføre NSM-studiet.

## **TRAFIKKOPPLÆRING (ARBEIDSOMFANG 0,75 STUDIEPOENG)**

Regifag: Naturfag

Sjå Rammeplanen s.101-102

Dette målområdet vert gjennomført som eit obligatorisk kurs i samråd med Trygg Trafikk (TT), Møre & R.. På kurset vert det førelesingar og gruppearbeid. Gruppearbeida vert lagde fram i plenum. Det er eit førekrav at arbeidet vert godkjent.

Ein tek sikte på å arbeide med dette målområdet (tidleg) i vårsemesteret.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Sjå Rammeplanen s.146-147.

Gjennom NSM-studiet vil ein bruke varierte arbeidsformer, som også kan vere eksemplarisk for undervisning i grunnskulen. At heile studiet er eit nært samarbeid mellom ulike fag og faggrupper understrekar det tverrfaglege innhaldet i studiet. Arbeidsmåtene er forelesningar, demonstrasjonar, seminar, gruppearbeid, prosjektarbeid, ekskursjonar, feltarbeid, laboratorieforsøk, bruk av IKT og rapportskriving. Det vert også lagt opp til at ein skal få øving i å legge fram stoff for medstudentar.

Prosjektarbeid er ein obligatorisk del av studiet. Studentane skal såleis gjennomføre eit prosjektarbeid i samband med emnet «Lokal Agenda 21 - Tenke Globalt og Handle lokalt». Til vanleg skal stoffet knytt til prosjektarbeidet samtidig vere ei fordjuping innan eitt eller fleire av målområda. Miljøproblem med ei klar lokal vinkling og med lokale miljømålsettingar vil utgjere basis-stoff i prosjektarbeidet. Innsamling og bruk av lokalt miljøfagleg stoff frå ulike kjelder og bearbeiding av dette, skal også gi øving i å arbeide med miljøprosjekt i grunnskulen. Mange lokale miljømne kan ha ein nasjonal og/eller global dimensjon som kan inngå i prosjektarbeidet. Dette arbeidet skal gjennomførast som gruppearbeid i grupper på 3-5 studentar. Sjå elles målområdet Lokal Agenda 21.

## **PRAKSIS**

I løpet av hausthalvåret skal studentane gjennomføre ein 4-vekers praksis-periode. Dei fleste vil få høve til å arbeide med eit eller fleire emne som også har ei miljøvinkling. På denne måten reknar vi med at dei fleste vil møte og praktisere miljøundervisning i grunnskulen. Gjennom "Lokal Agenda 21" er miljøundervisninga i grunnskulen sett på som eit vesentleg og viktig bidrag til dei holdnings- og handlingsmåla som er nødvendige i arbeidet med lokale og globale miljøproblem.

Sjå elles Plan for praksis i allmennlærerutdanninga.

## OBLIGATORISKE KOMPONENTAR

Følgjande komponentar er obligatoriske: Gjesteførelesingar, eksamensfrie kurs (trafikk-kurs, seminar og liknande), ekskursjonar/feltarbeid med rapportar, laboratoriearbeid med rapportar, prosjekt-arbeid. Fråvær kan i særskilde høve (t.d. sjukdom) erstattast av eige arbeid, ellers må studenten gjere manglande arbeid saman med nsm-studentane følgjande år. Det kan og verte seminarar der studentane sjølve deltek aktivt i presentasjon av stoff, i diskusjonar og gruppe-arbeid.

### IKT

NSM er involvert i PLUTO-prosjektet og ein ynskjer difor å fokusere på nye studieformer, alternative vurderingsformer og integrert bruk av IKT som ein del av kurset.

## STUDIEKVALITETSARBEID.

Studentane vel ein student frå kvar klasse til ei gruppe som arbeider med kontinuerlig vurdering av NSM-studiet. Målet er å auke studiekvaliteten saman med faglærarane.

Studentane tek kontakt med *dei ulike faglærarane* når dei meiner det er naudsynt. Elles kallar fagansvarleg inn til minst eitt felles møte kvart semester mellom gruppa og faglærarane.

## VURDERING OG EKSAMEN

### FØREKRAV

For å få gå opp til eksamen, må dei obligatoriske delane vere godkjende (sjå og "Stoff, ressursar og krinslaup" og "Lokal Agenda 21)

### EKSAMEN

Følgjande vert lagt til grunn for den avsluttande vurderinga med endeleg karakter i faget:

1. Ein individuell skriftleg eksamen på 6 timar, tel 70%.
2. Mappa frå arbeidet med "Stoff, ressursar og krinslaup", tel 15%.
3. Prosjektarbeidet til "Lokal Agenda 21", tel 15%

Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

## PENSUMLITTERATUR

Miljøfag er eit fag med behov for stadig oppdaterte litteraturkjelder. Studentane bør difor vente med å kjøpe pensumlitteratur til nærare beskjed vert gitt ved studiestart. Endeleg pensum vert først klar under arbeidet med dei ulike målområda, og seinast 2 månader før eksamen.

Ei *førebels* liste over pensumlitteratur er gitt nedanfor:

Farstad, H., van Marion P. Og Stranden J.G.: Miljøundervisning. Metode og Ressursbok for lærere. NKI 1993

Ibsen, H: (1997) Menneskets Fotavtrykk.. En økologisk verdenshistorie. Tano Aschehoug 1997

Taksdal, G. Og Hågvar, S.: Økologi og miljøvern. Landbruksforlaget. Oslo 2001

Tufteland, G(red): Natur, samfunn og miljø 1 og 3. Universitetsforlaget 1997

Vilby, K: Den globale reisen. Universitetsforlaget, 1997

Internettstader... (Vert gjeven i samband med undervisninga.).

Kompendier med t.d. oppgåver, artiklar frå bøker og tidsskrift. Til dømes:

(Bjerketvedt og Pedersen: Grunnleggende Biologi og miljølære. Landbruksforlaget 1996 (el. nyare)

Brown: Jordens tilstand. WW institute. Aschehoug. År 2000 og andre utgåver)

Orskaug, Arne: Skogen. Miljøtema i lærerutdanningen. 1996.

## NORSK 1, 30 STUDIEPOENG (NO105)

### INNLEIING

Fagplanen byggjer på Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning, av 01.07.99.

Planen gjeld for studentar som tek til i 1. klasse hausten 2002 eller seinare. Norskstudiet i allmennlærerutdanninga kvalifiserer til arbeid i grunnskulen. Arbeid med norskfaglege emne i praksisperiodane inngår også i studiet.

### MÅL

Studentane skal:

- utvikle eit fagleg og didaktisk grunnlag for norskundervisninga i grunnskulen i samsvar med læreplanverket
- vidareutvikle språkleg uttrykksevne og estetisk sans gjennom styrking av eigen skriftleg og munnleg tekstkompetanse
- utvikle evna til å bruke begge målformer i skrift
- utvikle eigen identitet i respekt for andre sin kultur og andre sine verdiar, og styrke si allmenne danning
- utvikle eit engasjert og reflektert forhold til norsk språk og litteratur i fortid og notid
- utvikle sin eigen norskfaglege formidlings- og rettleiingskompetanse
- utvikle eit sjølvstendig, engasjert og utviklingsorientert forhold til norskfaget og til norskundervisning
- utvikle kunnskap om bruk av IKT som verktøy i nye læringsformer i norskfaget

## INNHALD

Norskfaget er både eit fagstudium, eit fagdidaktisk studium og eit praktisk studium. Norsk I er samansett av tre ulike målområde som grip inn i kvarandre og til saman utgjør ein heilskap:

- Arbeid med språk og tekst
- Kunnskap om språk og tekst
- Språk og tekst i undervisningsperspektiv

I målområdet *Arbeid med språk og tekst* ligg hovudvekta på at studenten skal utvikle kunnskap gjennom eige arbeid med språk og tekst.

I målområdet *Kunnskap om språk og tekst* ligg hovudvekta på tekstforståing og teksttolking. Dette inneber arbeid med skjønnlitterære tekstar, med andre tekstar og teoriar.

I målområdet *Språk og tekst i undervisningsperspektiv* ligg hovudvekta på norskundervisninga i grunnskulen.

### **Arbeid med språk og tekst**

I målområdet *Arbeid med språk og tekst* er studenten si eigenutvikling det sentrale. Denne utviklinga føreset eit vekselspel mellom eige språkarbeid, teoretisk kunnskap og didaktisk og metodisk refleksjon. Bruk av IKT i læringsprosessen vil vere sentralt i dette arbeidet.

**Tekstarbeid.** Studentane skal ta språket aktivt i bruk på ulike måtar og både utforske og vurdere korleis ulike språklege uttrykksmiddel vert nytta i ulike samanhengar. På den måten skal dei sjølv verte medvitne i val av uttrykksmiddel, og dei skal verte gode modellar for eigne elevar. Dei skal arbeide med ulike teksttypar og medium, og det vert det lagt vekt på å bruke IKT i arbeid med tekstskaping.

**Lesing og skriving.** I dette målområdet er det viktig at studentane skaffar seg erfaring med og innsikt i korleis litteratur kan inspirere til og gi modellar for skriving, og korleis ein kan nærme seg tekstar gjennom skriving.

**Munnlege tekstar og drama.** Studentane skal framføre munnlege tekstar med utgangspunkt i erfaringar med ulike munnlege sjangrar. I samarbeid med drama skal dei lære å bruke og reflektere over ulike dramatiske uttrykksformer.

**Skriveprosess og rettleiing.** I arbeidet med tekstskaping skal studentane rettleie kvarandre, og dei skal ha rettleiing av lærar. IKT er eit sjølvsgd verktøy i dette arbeidet. Ein slik skriveprosess skal tene som modell for deira eige arbeid i skulen, og lærarrettleiinga skal tene som modell for den rettleiinga studentane sjølv skal gi som komande lærarar.

### **Kunnskap om språk og tekst**

I målområdet *Kunnskap om språk og tekst* er allsidige og solide kunnskapar om språk og ulike typar tekstar det sentrale, og denne kunnskapen er ein føresetnad for god norskundervisning. For at studentane skal kunne arbeide på ein meningsfylt måte med språk og tekst i undervisninga, skal dei tileigne seg basiskunnskapar om norsk og nordiske språk og litteratur. Desse kunnskapane skal setje dei i stand til å formidle tekstar, undervise om språk og tekst og legge til rette for vellukka lese- og skriveopplæring.

**Tekstanalyse.** Dei må ha kunnskap om kjenneteikn ved ulike sjangrar, og dei må ha innsikt i ulike metodar for å analysere, både skjønnlitteratur og sakprosa, biletmedie-tekstar, elektroniske tekstar og tekstar retta til barn og unge.

**Tekstar retta til barn og unge.** Studentane må kunne analysere og vurdere tekst og bilete i skjønnlitterære og saksprega tekstar og medietekstar retta til barn og ungdom, og kunne gjere greie for hovudtrekka i den norske barnelitteraturhistoria.

**Tekstutvalet** innafor området vaksenlitteratur og barne- og ungdomslitteratur skal vere på om lag 20 verk. Begge målformer skal vere representerte. Studentane skal også ha oversyn over skjønnlitterære tekstar for barn og vaksne skrivne dei siste åra.

**Grammatikk og tekstlingvistikk.** Innanfor delemnet grammatikk og tekstlingvistikk ligg hovudvekta på arbeidet med skriftspråk og talespråk i bruk og korleis det fungerer i ulike situasjonar og medium. Kunnskapen om strukturen i språket på lyd-, ord- og setningsnivå vert sett i eit funksjonelt perspektiv ved at tekstlingvistikk er utgangspunktet for arbeidet med munnleg og skriftleg språkbruk. Den grammatiske og tekstlingvistiske kunnskapen skal setjast i samanheng med lese- og skriveundervisninga i grunnskulen.

**Eit kontrastivt perspektiv.** Studentane må kunne gjere greie for norsk språk i eit samanliknande, kontrastivt perspektiv, og vere merksame på kva for trekk ved språket som til vanleg er vanskelege for elevar som lærer norsk som andrespråk.

**Normering i norsk.** Kunnskap om geografisk og sosialt bestemte talespråksvariantar vert sett i ein pedagogisk samanheng, og språkhistorisk kunnskap vert knytt til utviklinga av dei offisielle skriftspråka bokmål og nynorsk. Studentane må kjenne til viktige normeringsprinsipp i norsk og vise god kjennskap til begge dei offisielle skriftnormalane.

**Analysere og vurdere elevtekstar.** Heile spekteret av kunnskapar om språk og tekst må ligge til grunn for arbeidet med elevtekstar. Studentane skal analysere og vurdere elevtekstar og gjere greie for særtrekk ved dei slik at dei seinare skal vere i stand til å legge til rette for skriving og for å rettleie elevane i utviklinga av eigne tekstar.

**Teoriar om språkutvikling.** Studentane skal ha kjennskap til aktuelle teoriar om språkutvikling, språklæring og språkvariasjon, og vere i stand til å analysere talespråk og tekstar til elevar.

**Lese- og skriveopplæring.** Som føresetnad for arbeidet med lese- og skriveopplæring skal studentane ha kunnskap om sentrale teoriar for korleis språkutvikling og språklæring hos barn kan beskrivast, og denne kunnskapen må dei setje i samanheng med aktuelle teoriar for både grunnleggjande og vidaregåande skriveopplæring. Desse kunnskapane skal dei prøve ut i praksis gjennom analyse av skriftlege og munnlege elevtekstar. Ved hjelp av denne kunnskapen skal studenten også utvikle innsikt i korleis ein best mogleg kan førebygge lese- og skrivevanskar.

### ***Språk og tekst i undervisningsperspektiv***

Det er nær samanheng mellom dette målområdet og dei to andre målområda i norskstudiet. I tillegg er arbeidsområdet sterkt knytt til praksis. Teoretisk kunnskap og praktisk arbeid med språk og tekst legg grunnlaget for ei norskundervisning som gir elevar med ulike føresetnader hjelp til personleg, språkleg og kulturell vokster. Arbeidet i dette målområdet er nært knytt til aktivitetane «lytte og tale» og «lese og skrive», og den fagdidaktiske refleksjonen over det ein gjer, er ein del av alt arbeid i studiet. Arbeidet med dei ulike emna innafor dette målområdet vil dels skje i undervisninga på høgskulen, dels gjennom skulepraksis, og studentane skal få erfaring med korleis ulike medium kan takast i bruk i opplæringssituasjonar i skulen, gjennom skulebibliotek og informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Dei skal kunne rettleie barn og unge i bruk av ulike medium.

**Munnleg språkopplæring.** Innanfor dette målområdet skal ein arbeide utforskande med munnleg språkopplæring i klasserommet. I praksisperiodane skal studentane planleggje, leie og vurdere ulike lytte- tale-, og spelaktivitetar på ulike nivå, og dei skal få erfaring med språkstimulerande leik på småskulesteget. Dei vil også få kunnskap og erfaring med korleis ein kan stimulere skriftspråkutviklinga for elevar med ulik bakgrunn og føresetnader.

**Lese- og skriveopplæring som tilpassa opplæring.** På grunnlag av kunnskap og innsikt i ulike teoriar og metodar for lese- og skriveopplæring, og eige arbeid med språk og tekst, skal studentane få innsikt i korleis dei sjølve som lærarar kan leggje til rette for lese- og skriveopplæring for elevar med ulike føresetnader.

**Lese- og skrivevanskar.** Studentane skal ha kunnskap om og innsikt i lese- og skrivevanskar slik at dei veit korleis dette kan kome til uttrykk hos den einskilde eleven. I skulepraksisen får dei erfaring med korleis ein kan legge til rette tilpassa opplæring for å førebygge og avhjelpe slike vanskar innafor klassen. Studentane skal få innføring i aktuelle skriftformingssystem og få erfaring med korleis ein arbeider med skriftforming på ulike steg i grunnskulen.

**Litteraturlæring.** Ei viktig oppgåve for skulen er å stimulere til læring av gode skjønnlitterære tekstar, og studentane må vere godt orienterte og ha kunnskap om både leseinteresser og lesevanar til elevar av ulike kjønn, ulik alder og bakgrunn. Dei må kunne bruke desse kunnskapane til å leggje til rette for litteraturlæring som fremjar både leseglede,

engasjement og ny innsikt.

**Vurdering av læremiddel.** Gjennom undervisninga og i skulepraksis skal studentane utvikle kunnskap omkring vurdering av lærebøker og andre læremiddel, også elektroniske.

**Vurdering av norskfaget.** Gjennom kunnskap om sentrale historiske utviklingslinjer i læreplanar og læremiddel i norskfaget, skal dei kunne reflektere over undervisning i språk- og tekstkunnskap og den plassen språk- og litteraturanalytiske omgrep og metodar bør ha i morsmålsfaget. I dette ligg det at dei skal ha ei kritisk haldning til norskfaget i skulen.

**Vurdering av elevarbeid.** Innsikt i kriterium for og kunnskap om ulike former for vurdering av elevarbeid får studentane gjennom arbeid med vurdering av elevtekstar (i målområdet «Arbeid med språk og tekst»). I praksisperiodane får dei hauste erfaring som er viktig for seinare arbeid som lærarar.

**Eit fleirkulturelt perspektiv.** Det fleirkulturelle aspektet kjem i planen for Norsk I fram på ulike vis i alle målområda (jf ovanfor). Det fleirkulturelle perspektivet med basis i norsk kultur er viktig for å utvikle fleirkulturell forståing og kompetanse. I løpet av studiet ved HVO vil det verte lagt til rette for slike fleirkulturelle møte med studentar frå studiet Norsk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

### UNDERVISNING:

Norsk I går over fire semester, første og andre studieåret, med 15 avlagde studiepoeng kvart år.

Undervisningsformene vekslar frå studentstyrt arbeid i basisgrupper (4-5 studentar) og seminargrupper (ca. 20 studentar) der studentane si eiga aktive deltaking i arbeidet med språk og tekst er det sentrale, til meir lærarstyrt undervisning i plenum.

I arbeidet med elevtekstar legg ein første året vekt på tekstar skrivne av og for barn på småskule- og mellomsteget, andre året på tekstar skrivne av elevar på ungdomssteget.

Studentane har eit stort litterært pensum dei skal verte kjende med. Gjennom arbeidet med tekstane får dei presentert fleire ulike tilnæringsmåtar. Studiet av dei litterære tekstane vert i hovudsak ordna etter sjanger på følgjande måte: Første studieåret legg ein hovudvekta på forteljande tekstar for barn og på lyrikk for barn. Andre studieåret arbeider ein vidare både med lyrikk og forteljande sjantrar, særleg noveller og romanar for vaksne. Dessutan arbeider ein med dramatekstar og medietekstar.

Alle målområda vert dregne inn i samheng med alle sjanrane, og eit didaktisk perspektiv vil vere grunnleggande i arbeidet med tekstar.

### BRUK AV IKT:

Ein aktiv bruk av IKT er ein føresetnad i skrive- og læringsprosessen gjennom heile norskstudiet. Ved å ta i bruk høgskulen sin undervisningsvev (Classfrontier) skal studentane utvikle, produsere og evaluere tekstar, og gjere seg nytte av den nye teknologien som ein aktiv del av læringsprosessen.

### PRAKSIS

Både 1. og 2. studieåret skal studentane ha skulepraksis der arbeidet med norskfaget vil vere sentralt. I praksisen skal studentane vidareutvikle fagleg og didaktisk innsikt som dei har tileigna seg gjennom fagstudiet. Det er også eit mål at studentane skal nytte praksiserfaringane som utgangspunkt for vidare teorigrundstoff.

## VURDERING OG EKSAMEN

### Arbeidskrav

For å kunne få vitnemål må studenten ha gjennomført og fått vurdert arbeidskrava under.

Generelt gjeld det at ein har gjennomført og har fått godkjent praksis.

Studentane skal framføre munnlege tekstar med utgangspunkt i erfaringar med ulike sjantrar. Dette vil skje som ein naturleg del av arbeidsformene, særleg knytt til arbeidet i seminargruppene. Minst ei slik framføring vil bli rettleia og skal godkjennast av faglærar og medstudentar i løpet av første eller andre studieåret.

I tillegg kjem desse krava som er knytte til eitt av studieåra:

### 1. STUDIEÅRET:

Det vil vere obligatorisk frammøte til kurs i prosess-skriving. Ved eventuelt fråvær må det gjerast oppgåver etter nærare avtale med faglærar. Oppgåvene må vere vurderte til godkjent før studenten kan få vitnemål.

**Elektronisk mappe/prosessvurdering:**

Mappe med tekstar skal leggjast fram innan avtalt frist 1. studieåret, og vert då vurdert til godkjent/ikkje godkjent av faglærer. Tekstane skal vere i ulike sjangrar og skal vere skrivne i samband med undervisninga ved høgskulen og i praksis. Minst ein av tekstane skal vise utviklinga frå utkast til ferdig tekst, og studenten skal ha respons og munnleg rettleiing frå lærar undervegs i prosessen. Studenten skal få respons på tekstane frå dei andre medlemene i basisgruppa. Denne responsen ligg ved oppgåvene i mappa. Halvdelen av tekstane skal vere på nynorsk, den andre halvdelen på bokmål.

Ved semesterstart haust og vår vert det i samråd med faglærer fastsett kva teksttypar som skal ligge i mappa. Ein vil då også fastsette innleveringsfristar for tekstane.

**2. STUDIEÅRET:****Elektronisk mappe/prosessvurdering:**

Tekstane skal vere i ulike sjangrar og skal vere skrivne i samband med undervisninga ved høgskulen og i praksis. Minst ein av tekstane skal vise utviklinga frå utkast til ferdig tekst, og studenten skal ha respons og munnleg rettleiing frå lærar undervegs i prosessen. Mappe med tekstar skal leggjast fram innan avtalt frist 2. studieåret, og vert då vurdert av faglærer. Mappa må vere godkjent før studenten går opp til eksamen. Halvdelen av tekstane skal vere på nynorsk, den andre halvdelen på bokmål.

Ved semesterstart haust og vår vert det i samråd med faglærer fastsett kva teksttypar som skal ligge i mappa. Ein vil då også fastsette innleveringsfristar for tekstane.

**Eksamen**

Den avsluttande vurderinga i Norsk I skal byggje på vurderinga av mappearbeidet 1. studieåret og ein skriftleg eksamen 2. året. Mappearbeidet og den skriftlege eksamenen vil telje like mykje i den avsluttande karakteren. Målform til eksamen 2. året vert avgjort ved trekking og gjort kjent ei veke før eksamen.

Karakterskalaen går frå A til F der A er beste karakter og E er siste ståkarakter.

Ved stryk må kandidaten ta opp att den prøva/dei prøvene som vart vurderte til «ikkje godkjent». Alle delane av vurderingsgrunnlaget må kvar for seg vere godkjende før studenten kan få sluttkarakter og vitnemål.

**1 STUDIEÅRET:**

Skrivemappe / prosessvurdering: Vi viser til punktet om mappevurdering under *Arbeidskrav, 1. studieåret*. Alle tekstane i mappa skal vere godkjende før endeleg vurdering. Fire tekstar skal vere med i den endelege vurderinga. Av desse er den teksten som studenten har fått rettleiing på, obligatorisk. I tillegg vel studenten ut tre tekstar.

**2 STUDIEÅRET:**

Ein individuell skriftleg 8-timars eksamen utan andre hjelpemiddel enn L97.

Eksamen vert gjennomført på slutten av 4. semester. Denne eksamenen skal måle studentane sine evner til skriftleg framstilling og kunnskapane deira i det fagstoffet dei har arbeidd med.

Studentar frå språklege minoritetar som har vitnemål frå vidaregåande opplæring utan eksamen i begge målformene, har høve til å velje same målform på mappetekstane og på eksamensprøva i 4. semester.

**PENSUM 1. STUDIEÅRET**

Det vert teke atterhald om endring og/eller supplering av pensumlista

**TEMA**

*Fagdidaktiske emne (L 97, tekst og tolking, ulike litterære analysemetodar), prosess-skriving, forteljinga (munnleg og skriftleg), barnelitteraturen si historie, barnelitteratur (episke og lyriske tekstar), grunnleggande lese- og skriveopplæring, elevtekstar med vekt på ortografi, fonologi, morfologi og enkel syntaks.*

**TEKSTPENSUM**

Oversyn over titlar vert delt ut ved semesterstart, men tekstutvalet skal innhalde følgjande:

**Barne- og ungdomslitteratur:**

6 bøker. Av desse skal det vere ein eldre barneroman, ei bok av ein ikkje-nordisk forfattar, ei bok av ein svensk eller dansk forfattar.

Ei fritt valt barne- eller ungdomsbok frå dei siste tre åra

Biletbøker for barn: 3 bøker. Ei av desse er fritt valt.

Forteljingar for barn og ungdom ( 1 verk i kompendium)

Folkeeventyr, kunsteventyr, fablar, mytar (1 verk)

### **Rim, regler og dikt skrivne for barn og unge** (1 verk)

Eit utval på 30 dikt (Kompendium). Desse forfattarane skal vere representerte: Andre Bjerke, Thorbjørn Egner, Margrete Munthe, Alf Prøysen, Inger Hagerup, Einar Økland, Gro Dahle

### **Elevtekstar**

Eit utval på 15-20 tekstar skrivne av elevar i grunnskulen.

### **Lærebok for grunnskulen**

Ei lærebok i norsk for grunnskulen.

## **TEORIPENSUM**

Austad, Ingolf (red.): *Mening i tekst. Teorier og metoder i grunnleggende lese- og skriveopplæring*, LNU/Cappelen 1997.

Ei litteraturhistorie for vidaregåande skule etter eige val.

Dysthe, Hertzberg, Hoel: *Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning*. Abstrakt forlag 2000.

Kulbrandstad, Lars Anders: *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*.

Universitetsforlaget 1998 (s. 19-96, 149-155. Kap 7 og 8 vert nytta som oppslagsbok i 1. klasse og som pensum i 2. klasse).

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97)*: Norsk s. 108-130 og s. 299-303.

Mjør, Birkeland og Risa: *Barnelitteratur- sjangrar og teksttypar*, LNU/Cappelen 2000. Moslet, Inge: *Norsk didaktikk. Ei grunnbok*. Tano Aschehoug 1999. I denne boka er følgjande artiklar pensum:

Inge Moslet: «Norskstudent» (s. 9-17)

Synnøve Matre: «Om språk og språkutvikling» (s. 43-52)

Synnøve Matre: «Kommunikativ utvikling hos barn» (s. 53-78)

Synnøve Matre: «Leik og språk» (s. 78-86)

Rutt Trøite Lorentzen: «Barns skriftspråkutvikling» (s. 94-109)

Rutt Trøite Lorentzen: «Dei minste skolebarna» (s. 109-147)

Eleanor Torsen: «Litteraturpedagogikk» (s. 159 - 168)

Eleanor Torsen: «Litteraturteoretiske tilnæringsmåter» (s. 168 - 180)

Skei, Hans H.: Å lese litteratur. Ad Notam, Gyldendal 1992. (Brukt som oppslagsbok)

Skjelbred, Dagrund: *Elevens tekst*, LNU/Cappelen 1999.

I *Kompendium*:

Feilberg m.fl.: «Språklig variasjon» (10s). I: *Barns språk*, Gyldendal 1988.

Skjong, Synnøve: «Grunnskulens nye barnelitterære kanon? Barne- og ungdomslitteraturen i norskfaget i L97» I:

Kaldestad/Vold (red.): *Årboka. Litteratur for barn og unge*, 1998 (s. 101-109).

Svendsen, Åsfrid: «Fra store fortellinger til små historier» I: *Norsklæreren* nr. 6/96 (s. 26-33).

Vinje, Eiliv: Utdrag frå kapitlet «Episk diktning», (s. 114-137) i *Tekst og tolking. Innføring i litterær analyse* (1993).

## **PENSUM 2. STUDIEÅRET**

Det vert teke atterhald om endring og/eller supplering av pensumlista

## **TEMA**

*Episke sjangrar (vaksenroman, noveller), lyrikk, drama som sjanger, litteraturpedagogikk knytt til hovudsjangrane lyrikk, drama og episk framstilling, munnleg framstilling, frå bok til film, teikneseriar, norsk som andrespråk, IKT i skulen, skriftforming, lese- og skrivevanskar, tekstlingvistikk og grammatikk knytt til saksprega tekstar/elevtekstar.*

## **TEKSTPENSUM**

Oversyn over titlar vert delt ut ved semesterstart, men tekstutvalet skal innhalde følgjande:

### **Romanar**

(3 verk)

### **Noveller**

(1 verk i kompendium)

### **Lyrikk**

Eit utval på ca. 50 dikt. Desse forfattarane skal vere med: Henrik Wergeland, Ivar Aasen, Sigbjørn Obstfelder,



Rudolf Nilsen, Edith Sødergran, Rolf Jacobsen, Nordahl Grieg, Claes Gill, Inger Hagerup, Halldis M.Vesaas, Georg Johannesen, Tarjei Vesaas, Jens Bjørneboe, Gunnvor Hofmo, Hans Børli, Olav H. Hauge, Paal Brekke, Jan Erik Vold, Eldrid Lunden, Paal-Helge Haugen, Gro Dahle

## Drama

Henrik Ibsen: *Et dukkehjem*

Eitt nyare drama

## Billettekstar (Video, film, skodespel)

2 filmatiseringar av verk i det skjønnlitterære pensumet.

## Skjermtekstar

Elevelekstar/læreboktekstar

# TEORIPENSUM

Delar av pensum som er oppført for første studieåret, vil også vere pensum andre studieåret. Nærare melding vert gitt ved semesterstart om hausten.

Dysthe, Hertzberg, Hoel: *Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning*. Abstrakt forlag 2000.

Ei litteraturhistorie for vidaregåande skule etter eige val.

Elvemo, Jarle: *La ordene bli mine*. Kristiansand: Køber forlag A/S., 2001

Kaldestad, Per Olav og Knudsen, Hanne: *Diktboka*, LNU/Cappelen 1999 (delar av boka etter avtale med faglærer).

Kulbrandstad, Lars Anders: *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*,

Universitetsforlaget 1998, kap. 7 og 8. I emnet *syntaks* vert boka nytta som oppslagsbok.

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97)*: Norsk s. 108-130 og s. 299-303.

Skei, Hans H.: *Å lese litteratur*. Ad Notam, Gyldendal 1992.

Moslet, Inge: *Norskdidaktikk. Ei grunnbok*. Tano Aschehoug 1999. I denne boka er følgjande artiklar pensum:

Eleanore Torsen: «Litteraturteoretiske tilnæringsmåter» (s. 180-190)

Peer Harry Bjørkeng: «Klassesamtalen om litteratur» (s. 194-202)

Dagrun Kibsgaard Sjøhelle: «IKT. Nye medier - nye tekster - ny didaktikk» (s. 293-307), og «IKT for dei minste»

Eleanore Torsen: «Skriftforming i skolen» (s. 312-336)

## I kompendium:

Aksnes, Liv Marit: «Muntlighet i norskfaget. Oversikt over feltet norsk muntlig», i *Muntlig norsk*, Tano Aschehoug 1999

Hagen, Jon-Erik: «Hva kreves av en lærer i norsk som fremmedspråk/andrespråk?» (5s). Frå *Norsklæraren* nr 4/89.

Vinje, Eiliv: Utdrag frå kapitlet «Episk dikting», (s. 114-137) i *Tekst og tolking. Innføring i litterær analyse* (1993).

Pensum i medietekstar vert gjort kjent seinare.



Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- **ALLMENNLERARUTDANNING, DELTID REGIONBASERT**

- **GENERELL DEL**

- **FORMÅL**
- **RAMMER**
- **ARBEIDSFORMER**
- **STUDIEMODELL OG STUDIEORGANISERING**
- **INNHALD**

- **PRAKSIS**

- **INNLEIING**
- **MÅL OG MÅLOMRÅDE**
- **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**
- **VURDERING**

- **MATEMATIKK 1, 30 studiepoeng**

- **INNLEIING**
- **MÅL**
- **INNHALD**
- **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**
- **VURDERING OG EKSAMEN**
- **PENSUM**

- **PEDAGOGIKK, 30 studiepoeng**

- **INNLEIING**
- **MÅL OG MÅLOMRÅDE**
- **FAGLEG INNHALD**
- **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**
- **VURDERING OG EKSAMEN**
- **PENSUM OG KUNNSKAPSKJELDER**

- **MUSIKK 1, 15 studiepoeng**

- **INNLEIING**
- **MÅL**
- **INNHALD (MÅLOMRÅDE)**
- **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**
- **VURDERING OG EKSAMEN**
- **PENSUMLITTERATUR OG KUNNSKAPKJELDER**

- **KUNST OG HANDVERK 1, 15 studiepoeng**

- **MÅLOMRÅDE / INNHALD**
- **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**
- **VURDERING OG EKSAMEN**
- **LITTERATUR**

## **ALLMENNLERARUTDANNING, DELTID REGIONBASERT**

### **GENERELL DEL**

Allmennlærerutdanning som deltidsstudium over 5 år vert lagt til ulike deler av regionen i tida 2002 - 2007. Studiet er retta mot studentar i regionen som under studietida har arbeid i skulen eller i anna pedagogisk verksemd, og som

av praktiske grunnar kan ha vanskar med å gjennomføre ei ordinær 4-årig allmennlærerutdanning. Tilbodet baserer seg på at studentar frå same lokalmiljø organiserer basisgrupper på 4 - 5 studentar (sjå arbeidsformer). Studentane må ha tilgang til PC med internettoppkopling. P.g.a. utvikling av ny lærarutdanning, som no er i gang, kan det verte endringar i studieopplegget.

## FORMÅL

Fagplanen for allmennlærerutdanning ved Høgskulen i Volda er utarbeidd i samsvar med dei mål, rammer og retningslinjer som er gitt i "Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning" fastsett av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 1.juli 1999.

Allmennlærerutdanninga gir i hovudsak grunnlag for pedagogisk arbeid i grunnskulen, men kan og vere relevant for arbeid i vidaregåande skule, folkehøgskule og førebu for andre pedagogiske oppgåver til dømes innanfor vaksenopplæring og skulefritidsverksemd.

Samfunnet vårt er i rivande utvikling på mest alle område, vi ser dette ikkje minst i høve til kunnskapsutviklinga og utviklinga av nye medium for formidling av kunnskap og informasjon. Dette gjer at skulen og læreraren har mista mykje av si sentrale rolle som kunnskapsformidlar. Det blir andre oppgåver som står i fokus i byrjinga av det nye tusenåret. Desse oppgåvene peikar i retning av ei anna yrkesrolle for læraren og det vert ei sentral oppgåve for lærarutdanninga å førebu studentane til denne nye rolla.

Elementa i denne rolla finn ein i dei lover, føresegnar og planverk som regulerer opplæringsverksemda i skulen. I første rekkje er dette Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), forskrift til opplæringslova og læreplanverka for desse skuleslaga. Rammeplan for allmennlærerutdanning viser til desse dokumenta og strekar sterkt under at dette skal vere førande prinsipp for utdanning av lærarar til skuleverket.

Å skape rammer og føresetnader for at barn skal kunne tileigne seg kunnskapar og høve til å utvikle tilhørslse og identitet er ei sentral oppgåve for læraren. Dette skjer ved at barn og unge får møte sentrale kulturelle og samfunnsmessige verdiar, verdiar som skal vere grunnlaget for deira vidare vekst til dugande og spørjande samfunnsmedlemmer. Lærerutdanninga må derfor sikre at studentane får ei mangesidig innføring i fag, kultur og tradisjonar som gjer dei skikka til å løyse denne oppgåva.

Det er av den grunn eit overordna mål for lærarutdanninga å gje studentane høve til å utvikle ein kompetanse som byggjer på eit grunnsyn som femner om menneskesyn, samfunnssyn og som inneheld viktige livsverdiar. Dette vil gje studentane grunnlag for å utvikle ei profesjonell yrkesrolle.

## RAMMER

Lærerutdanninga som deltidstudium er eit femårig studium som omfattar følgjande delar:

Estetiske fag (Kunst og handverk eller musikk) 15 studiepoeng  
Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering 30 studiepoeng  
Matematikk 30 studiepoeng  
Natur, samfunn og miljø 30 studiepoeng  
Norsk 30 studiepoeng  
Pedagogikk 30 studiepoeng  
Praktiske fag (Heimkunnskap eller Kroppsøving) 15 studiepoeng  
Praksisopplæring 12 veker  
Valfrie fag (anten 30 stp.x 2 einingar eller 60 stp.)

Det første studieåret får studentane ei grunnleggjande innføring i bruk av IKT.

Drama går inn som eit kurs på 30 timar knytt til faga norsk, matematikk og KRL. Kurset blir lagt til 3.semester.

Omfanget på dei ulike delane av studiet er knytt til studiepoeng. 60 studiepoeng er rekna som eit års studie på heiltid.

Allmennlærerutdanninga på deltid er eit 5-årig studium og startar i august 2002 og vert avslutta i juni 2007. For dei som vil ta siste studieåret på deltid (30 studiepoeng pr. studieår), blir slutten på studiet juni 2008. Det er ein førsetnad at studiet skal kombinerast med deltidspøksis i grunnskule eller i andre pedagogiske institusjonar (sjå *Praksisopplæring*).

## ARBEIDSFORMER

Det vert oppretta basisgrupper med 4-5 studentar frå ulike delar av regionen lokalisert til same nærmiljø. Studentar vert samla til helge-/vekesamlingar med fokusforelesingar, skiftevis i Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund eller annan aktuell stad. Etterpå arbeider dei med oppgåver i basisgrupper på heimstaden, med nett-/webtilknytning (Classfronter/Internett) i høve oppnemnde rettleiarar/lærarar frå Høgskulen i Volda eller oppnemnde rettleiarar i regionen. 5 basisgrupper (dvs. ca. 20-25 studentar) kan samlast med faste mellomrom kvar måned til seminarundervisning på næraste fellesstad avhengig av studentane si lokalisering. Eit alternativ til spreidde seminar i regionen kan verte veikesamlingar i Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund i samsvar med alt etablert modell i deltidsutdanningane - eller andre stader i regionen tilpassa søknad og aktuelt opptak.

Høgskulen førset at studentane arbeider på eiga hand med faga og løyser pålagde oppgåver.

## STUDIEMODELL OG STUDIEORGANISERING

### 1. studieår 2002 - 2003: 45 studiepoeng

Matematikk 18 stp. Avsluttande fag våren 2003:  
Estetisk fag(mus.eller K&H) 15 stp. - Estetisk fag  
Pedagogikk 12 stp.  
Praksis 4 veker Innføringskurs i IKT

### 2. studieår 2003 - 2004: 45 studiepoeng

KRL 15 stp.  
Matematikk 12 stp. Avsluttande fag våren 2004: Norsk 15 stp. - Matematikk  
Pedagogikk 3 stp.  
Praksis 4 veker Dramakurs 30 t (3. semester)

### 3. studieår 2004 - 2005: 45 studiepoeng

KRL 15 stp.  
Norsk 15 stp. Avsluttande fag våren 2005:  
NSM 7,5 stp. - KRL  
Pedagogikk 7,5 stp. - Norsk  
Praksis 2 veker

### 4. studieår 2005 - 2006: 45 studiepoeng

Pedagogikk 7,5 stp Avsluttande fag hausten 2005:  
NSM 22,5 stp. - Pedagogikk  
Praktisk fag(kr.øv.el.heimk.) 15 stp.  
Praksis 2 veker Avsluttande fag våren 2006:  
- NSM  
- Praktisk fag

På grunn av arbeidspraksis i studiet er talet på praksisveker redusert med ca. 40%.

### 5. studieår 2006 - 2007 60 studiepoeng

Valfag 30 + 30 stp. eller 60 stp.

Faga i 1. - 4. studieår er obligatoriske, medan fag i 5. studieår er valfrie. I 5. studieåret vil det vere høve til individuelle studieopplegg for studentane, m.a. kan det vere aktuelt å ta fag ved Høgskulen Volda eller ved andre institusjonar som gjev lærarutdanning, eventuelt studietilbod som hovudsakleg blir formidla pr. internett.

## INNHALD

Rammeplan for allmennlærerutdanning fastset mål , drøfter arbeidsmåtar og organisering av studiet. Dette er dei overordna krava det desentraliserte studiet må innfri. Det er derfor ein føresetnad at ein gjennom heile studiet aktivt brukar rammeplanen som utgangspunkt for planlegging av verksemda. Dette representerer ein eksemplarisk

arbeidsmåte i høve til arbeidet studentane skal utføre i grunnskulen.

Alle faga skal vere med på å binde saman studiet slik at det blir ein heilskap i utdanninga. Pedagogikk og praksis har eit særskilt ansvar for å binde utdanninga saman.

### Tverrfagleg og fleirfagleg arbeid.

Med tverrfagleg arbeid meiner ein at opplæringa skal organiserast på tvers av dei tradisjonelle faggrensene. Fleirfagleg arbeid er arbeid der ein i fagopplæringa tek opp same emne samstundes, men der opplæringa vert gjort innanfor ramma av det einskilde fage

Rammeplanen fastset eit profileringstema for kvart av dei tre første studieåra. I første året er temaet: *Elev, lærar, læringsmiljø*. Arbeidet i dette temaet skal gjerast som eit tverrfagleg prosjekt i basisgrupper relatert til praksisfeltet, der matematikk, estetiske fag og pedagogikk tek del.

I det andre studieåret skal profileringstema frå første studieåret førast vidare.

Tredje studieåret skal temaet *Elev, klasse, skule* stå i fokus. Eit tverrfagleg prosjektarbeid i basisgruppe skal vere ein del av arbeidet med temaet. Også her skal det kastast lys over problemstillingar i praksisfeltet.

I det fjerde studieåret er profileringstemaet : *Elev, skule, samfunn*. Det vil m.a. bli lagt opp til eit tverrfagleg prosjektarbeid også om dette temaet.

Vurderinga av det tverrfaglege prosjektarbeidet går for kvart av studieåra inn i faga. Ved stryk på prosjektarbeidet har basisgruppa 2 (to) forsøk til.

### Praksisopplæring.

Praksisopplæringa vert gjennomført ved skular/institusjonar i nærmiljøet og har utgangspunkt i etablerte basisgrupper. Det er sett av 12 veker til rettleidd praksis delt på dei 4 første åra (fire veker dei to første åra, og to veker i 3. og 4. studieår). Førsetnaden for denne praksisorganiseringa er at studenten har minst 20% praksis (min.gj.snt. ein dag pr.veke) i skule, eller i anna pedagogisk verksemd dei fire fyrste studieåra. Praksis skal vere ein integrert del av opplæringa i desse åra. Alle fag har ansvar for å ta del i praksisopplæringa. Praksisopplæringa saman med pedagogikk skal ha eit overordna ansvar for å binde saman utdanninga til ein heilskap.

Omfanget av praksisopplæringa i deltidsutdanninga er redusert med om lag ein tredel. Dette må sjåast i samanheng med at studentane skal praktisere i skulen eller i andre pedagogiske institusjonar i heile studietida. Dei vil slik få høve til å prøve ut teori og metodar i skulekvardagen etter kvart som dei blir presenterte i utdanninga. Dette fører til at det blir ei veksling mellom teoretisk kunnskap og praksis gjennom heile studiet, noko som gjer behovet for tradisjonell praksistid mindre.

Målet med praksisopplæringa er at studentane skal få høve til å prøve ut teori og kunnskap i autentiske situasjonar og slik utvikle relevante former for kompetanse som lærarar. Dette skjer m.a. ved at ein i praksisfeltet prøver å knyte teoretisk forståing og refleksjon til praktiske handlingar. Samanknyttinga vert gjort ved refleksjon over handling og drøftingar av ulike måtar å grunnje handlingar på . Slik skal studenten byggje opp evne til kritisk forståing og utvikle ei spørjande og analytisk haldning til arbeidet som lærar.

Det er pliktig frammøte til praksisopplæringa, inkludert førebuing og oppsummering av praksis. Sjå elles fagplan for praksisopplæringa.

### Felles arbeidsmåtar

Det er naturleg å prøve ut arbeids- og undervisningsmåtar som er i samsvar med intensjonane i L97 og R99. Utgangspunkt for slike føringar finn vi i L97, m.a. når det gjeld synet på læring, fagundervisning og tverrfagleg undervisning: "Elevane byggjer i stor grad selv opp sin kunnskap, opparbeider sine ferdigheter og utvikler sine holdninger. Vellykket læring krever en dobbelt motivering: både hos elevane og læreren." (L97, s. 28)

Læreplanen for grunnskulen forutset altså at elevane lærer gjennom handling, utforskning og utprøving i aktivt arbeid fram mot ny kunnskap: "Opplæringa skal kvalifisere for produktiv innsats i dagens arbeidsliv, og gi grunnlag for senere i livet å kunne gå inn i yrker som ennå ikke er skapt." (L97, s. 15)

KUF har i St prp nr 1 (1995 - 1996) nytta omgrepet entreprenørskap når det gjeld denne elevrolla:

"Entreprenørskap innebærer en livsholdning preget av handlingsberedskap og vågemot i en sosial, kulturell og økonomisk sammenheng. I begrepet entreprenørskap ligger kompetanse for nyskaping, foretaksvirksomhet og

etablering. Entreprenørskap forutsetter åpenhet, dristighet og vilje til å ta kalkulert risiko når en beveger seg på nye områder." (St prp nr 1 1995 - 1996, s. 8)

Som det går fram av sitatet ovanfor, er entreprenørskap i samsvar med intensjonane i L97 om vektlegginga av den aktive og kreative eleven. Dette må få konsekvensar for organisering og arbeidsmåtar i allmennlærerutdanninga. Faga som er involverte i dei ulike studieåra, samarbeider om korleis undervisninga og læringa skal organiserast og kva slag arbeidsmåtar som skal nyttast. Det fører til at det må vere samsvar mellom innhaldet i den lokale planen, arbeidsmåtene i studiet og vurderinga, særleg eksamensvurderinga. Fellestema, t.d. profileringane for dei ulike studieåra, vert det kasta lys over frå ulike fagvinklar.

### Tverrfagleg samarbeid - tema og prosjekt

Tema for profilering for kvart av studieåra vil danne utgangspunktet for tverrfagleg prosjektarbeid i samband med praksis. Informasjonsinnhentinga vil kunne skje både i praksis utan rettleiing og i rettleidd praksis. I 2. studieår blir profileringstemaet frå 1. studieår ført vidare. Elles blir organiseringa slik som sagt under "*Tverrfagleg og fleirfagleg arbeid*" på side 4.

Elles vert det etter rammeplanen samarbeidd om kva tema og prosjekt faga i dei ulike studieåra kan gå saman om. Dette må då forståast slik at faginnhaldet i eit studium vert halde ved like, men vert presentert for studentane i ein tverrfagleg samanheng. Samarbeidet tek utgangspunkt i ein analyse av målformuleringane i rammeplanen for faga i eit studieår. Samanfallande mål vert eit naturleg utgangspunkt for tverrfagleg samarbeid om tema og prosjekt. Dette er i samsvar med intensjonane i L97 om temaorganisering av innhald: "*I temaorganisering av innhald samordnar ein hovudmoment frå fleire fag i meiningsberande einingar (tema). Temaorganisering skal ta vare på mål i lærplanane for fag.*" (L97, s. 71) Vidare blir det sagt at "*Eit tema kan i innhald ha tyngdepunktet sitt i eitt fag, og innhald frå andre fag kan knytast til.*" (L97, s. 72) I denne samanhengen kan det vere grunn til å minne om at innhaldet på småskulesteget stort sett er temaorganisert - i følge L97 minimum 60%. Framtidige lærarar må difor m.a. ha kompetanse om tema- og prosjektarbeid, og kva konsekvensar det får for organiseringa av læring, undervisning og skuledagen.

Samarbeidet kan også ta utgangspunkt i arbeidsmåte, organisering av læring/undervisning, vurdering, arbeidskrav og forprøver.

Det er viktig at dei ulike faga har ei felles forståing av kva prosjektarbeid er. Ei slik forståing finn vi under temaet *Prosjektarbeid* i kompendiet *Ny student ved lærarutdanningane i Volda* Høgskulen i Volda, Avdeling for lærarutdanning hausten 1999.

### Leik og læring

For første gong i ein norsk læreplan for grunnskulen er leik kome inn som ein arbeidsmåte. Det må få konsekvensar for utdanninga av norske allmennlærarar i framtida. Leik i L97 er ein konsekvens av det som er sagt om den aktive eleven både i generell del, i prinsipp- og retningslinjedelen og i fagplanane. Det vert i kapitlet om *Arbeidsmåtar, læremiddel og vurdering* i punktet om leik sagt at "*Leik er aktivitet ut frå eiga lyst og ei viktig kjelde til læring, spesielt dei første skuleåra.*" (L97, s. 76) Leiken har såleis både verdi i seg sjølv og som metode i læringsarbeidet. Leik er difor viktige samarbeidstema for dei fleste av faga i allmennlærerutdanninga og det går fram av fagplanen i kvart fag korleis det skal skje.

### Tilpassa opplæring

Utgangspunktet for tilpassa opplæring finn vi i §2 i opplæringslova og under temaet *Tilpassing* side 57 i L97. Allmennlærerutdanninga skal innanfor faga og på tvers av fag vere gjennomsyra av elevane i grunnskulen sitt behov for tilpassa opplæring. Differensieringss spørsmålet vert ofte sett på som eitt av dei vanskelege spørsmåla i grunnskulen. Difor er det viktig at denne utfordringa får ein tilsvarande plass i utdanninga.

### IKT i den desentraliserte allmennlærerutdanninga

IKT er eitt av dei nyare hjelpemidla i undervisning og læring som kan vere med på å endre fokus frå tradisjonell formidling av lærestoff til aktiv konstruksjon av kunnskap og refleksjon. Faglærar vil på denne måten gå inn i rolla som rettleiar. Det vil vere aktuelt å bygge direkte kontakt på internett ut til studentane. I tillegg vil faglærar nytte nettet både til rettleiing og til å organisere drøftingsgrupper der. Desse gruppene kan vere opptekne med tema- og prosjektarbeid eller andre problembaserte aktivitetar. I samband både med praksis utan rettleiing og rettleidd praksis på annan grunnskule kan studentar diskutere pedagogiske spørsmål relatert til praksis i fag eller på tvers av fag med sin faglærar/rettleiar, øvingslærar og medstudentar i basisgruppa på nettet.

IKT vil også vere eit relevant hjelpemiddel i samband med skulebasert vurdering.

IKT er såleis eit viktig element med tanke på fleksibel organisering av opplæringa. Vidare vil IKT kunne vere med på å skape meir variasjon og tilpassing. Etter kvart som vi gjer erfaringar med bruk av IKT i dette studiet, vil vi justere vår bruk av dette hjelpemidlet. IKT vil difor stå sentralt med tanke på kvalitetsutvikling.

Allmennlærerutdanninga i Volda er med i eit nasjonalt utviklingsprosjekt i lærarutdanninga, PLUTO (Prosjekt LærerUtdanning med Teknologisk-pedagogisk Omstilling)

Når du tek til i lærarutdanninga i Volda blir du samtidig med i utviklinga av ei ny og moderne lærarutdanning der det blir lagt vekt på "NYE ARBEIDSFORMER OG NYE ROLLER - Lærarstudenten i IKT-støtta læringsprosessar", som prosjektittelen lyder.

Det vert hevda at IKT er ei av dei sterkaste drivkreftene i utvikling innan utdanning og arbeidsliv. Dei nye lærarstudentane vil derfor møte og aktivt ta i bruk IKT i eigne læringsprosessar i studiet, også i høve til praksisopplæringa i grunnskulen. PC med nettilgang vert ein viktig arbeidsreiskap i studiet. Dette fører med seg at du ved sida av ein oppdatert og framtidsretta lærarkompetanse får med deg etterspurt IKT-kompetanse.

Høgskulen har satsa mykje på investering i nytt og oppdatert utstyr til bruk i undervisninga, mellom anna trådløst nettverk i dei nytta undervisningslokala.

Frå hausten 2002 vil Høgskulen forhandle fram eit tilbod der studentane kan kjøpe sin eigen berbare PC med utstyr til sterkt reduserte prisar, og slik ha tilgang på den mest oppdaterte kommunikasjonsteknologien som finst. Dette utstyret kan slik nyttast i Høgskulen sine undervisningslokale og bibliotek, og på Studentsamskipnaden sine hyblar, som også har nettilgang. Ein vil oppmode studentane om å nytte seg av eit slikt tilbod.

## **PRAKSIS**

(Rammeplan 1999)

### **INNLEIING**

Høgskulen i Volda sin plan for pedagogisk praksis i den desentraliserte utdanninga byggjer på "Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning" (1999), generell del og på rammeplan for praksis. Desse er bindande for den lokale praksisplanen.

Praksis i den desentraliserte utdanninga er lagt til både dei 4 første studieåra i allmennlærerutdanninga og til 5. studieåret. Karakter i praksis vert fastsett etter 4. studieår.

Praksis skal kvalifisere for heile breidda i det pedagogiske arbeidet som lærarar i grunnskulen har ansvar for i dag. Ein tar derfor sikte på å utvikle grunnleggjande haldningar, kunnskapar og dugleik med tanke på denne oppgåva.

I samarbeidet mellom fag, pedagogikk og praksisfelt vil det bli lagt vekt på at praksis i lag med pedagogikk kan binde saman dei ulike delane av allmennlærerutdanninga. Dette vil særleg skje i samarbeid om felles problemstillingar og felles oppgåver i tilknytning til den organiserte praksisopplæringa.

Denne planen omtalar følgjande ulike former for praksis:

#### 1. Praksis utan rettleiing: (20% av eit årsverk)

Praksisopplæring utan rettleiing og vurdering må vere i skule, barnehage eller annan pedagogisk institusjon godkjend av fagansvarleg for studiet og omfattar:

- praksisopplæring i skule, barnehage eller annan pedagogisk institusjon utan rettleiar og utan vurdering. Praksisforma er utan løn.

Arbeidstilhøve som kan godkjennast som praksis utan rettleiing:

- studentar som er tilsett som assistent, vikar m.m. i skule, barnehage eller annan pedagogisk institusjon.

- studentar kan tilsetjast i stilling og få løna praksis (som assistentar, lærarvikarar o.a) dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar. Stillingane skal lysast ut kvart år.

#### 2. Rettleidd og vurdert praksis:

Praksisopplæring der studenten får rettleiing og vurdering av øvingslærer/praksisrettleiar

### 1. Praksis utan rettleiing

Dette studiet er tenkt lagt nær opp til praktisk lærararverksemd. Som ein konsekvens av dette, skal alle studentar praktisere i skule eller anna pedagogisk verksemd parallelt med studiet. For dei studentane som har eitt års relevant praksis før studiet tek til, skal denne praksisen ha eit omfang på minst 20% av heil stilling gjennom dei fire første studieåra. Innanfor den 4-årige allmennlærerutdanninga har ein etter rammeplanen høve til å ha inntil 3 veker praksis i andre pedagogiske miljø i 3. studieår. I den 5-årige desentraliserte modellen vert dette rekna inn i den praksisen som her er omtala.

Det at studentane slik får kjennskap til praktisk pedagogisk verksemd, vert utnytta i studiet m.a. ved at det i undervisninga vil verte vist til erfaringar frå undervisningsarbeid, og då slik at studentane vert forventa å bidra med eigne erfaringar. Dessutan vil studentane i løpet av studiet verte utfordra til å prøve ut og gjere erfaringar i sin praksissituasjon. Det kan t.d. vere undervisningsopplegg / utviklingsarbeid som faglærer eller studenten sjølv tek initiativ til.

Gjennom studiet legg vi stor vekt på å utvikle evna til refleksjon over praksis, kommunikasjon, omsorg, oppseding i tillegg til opplæring i fag. Innanfor dette studiet ligg det spesielt godt til rette for å få til dette. Det er ønskjeleg at studenten skal ha ein erfaren lærar å drøfte arbeidet sitt med i tilknytning til "eigen skule" (der studenten har praksis utan rettleiing). Dette må studenten avtale der denne praksisen vert gjennomført. Praksis utan rettleiing skal ikkje formelt vurderast slik den rettleidde praksisen skal.

### 2. Rettleidd praksis

#### Formål

I samsvar med lov om lærarutdanning og rammeplanen, er formålet å gje studentane høve til observasjon av elevar og arbeidet i skulen, utprøving av undervisningsopplegg og øving i praktisk lærararbeid. Primær oppgåva er å gje allmennlærer-/klasselærerpraksis. Som ein integrert del av denne grunnskulepraksisen, og studiet i dei ulike faga og praksis, skal studentane få praksis i dei aktuelle faga så langt den fastsette tidsramma til praksis og timerammene ved den aktuelle øvingskulen gjev høve til.

Undervisning skal utgjere eit tyngdepunkt i praksisopplæringa, samstundes som praksisbolkane skal gje høve til å oppleve skulesamfunnet som heilskap og samspelet mellom skule og nærmiljø (Jf. elles Innleiing og Mål tidlegare). Det er også viktig for studentane å få oppleve korleis barn og unge lærer.

Det praktiske lærararbeidet må skje innafor dei rammene som er sette for grunnskulen (lov, føresegnar og læreplan). Studentane har såleis teieplikt med omsyn til opplysningar om einskildelevar og heimetilhøve. Kvar student skriv under ei fråsegn om at ho/han har gjort seg kjend med gjeldande regelverk på dette området. Øvingslæraren syter for at dette vert gjort på orienteringsmøte før første praksisbolk.

Studentane skal i løpet av dei tre første studieåra få røynsle med praktisk lærararbeid både på småskule-, mellom- og ungdomssteget.

## **MÅL OG MÅLOMRÅDE**

Vi viser til **MÅL** og **MÅLOMRÅDE** med **profilering** for kvart av dei 3 første studieåra side 49 - 51 i "Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning".

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

### Organisering innanfor kvart semester

Vurdert praksis er lagt til dei 4 første studieåra, med sluttvurdering i vårsemesteret i 4. studieår etter at siste praksisbolken er gjennomført. Praksis har eit samla omfang på 12 veker med 4, 4, 2 og 2 veker praksis kvart studieår som blir organisert slik som vist under avsnittet "Omfang og organisering". . I tillegg kjem praksis knytt til fagstudium i 5. studieår.

### Tverrfagleg samarbeid

Rammeplan for praksis føreset at studieeininga skal hjelpe til med å binde saman dei ulike delane av allmennlærerutdanninga. Studia i faga, pedagogikk og praksis skal utgjere eit samordna, heilskapleg studieopplegg.

Dette krev eit tverrfagleg samarbeid med fagplanfesta tilskot frå alle samarbeidspartar. Samarbeidet vil delvis skje



gjennom samordning av pensumlitteratur der dette er naturleg. Vidare vil det skje gjennom felles prosjekt i tilknytning til praksisopplæringa. Faglærarar og øvingslærarar vil møtast til felles førebuing om praksisbolken, og i rettleiing og vurdering av praksis. I 3 av dei 4 studieåra skal studenten arbeide med ei tverrfagleg prosjektoppgåve som er knytta opp mot problemstillingar i samsvar med profileringa for studieåret. Studentane arbeider med prosjektoppgåvene i basisgruppene. Til prosjektoppgåva kan studentane hente inn informasjon frå både rettleidd praksis og praksis utan rettleiing. Leveringsfristen for prosjektrapporten vert kunngjort for kvart studieår. Øvingslærar og faglærar vurderer rapporten.

### Omfang og organisering

Samla omfang av praksis dei 4 første studieåra er 12 veker, fordelte såleis:

1. studieåret: 4 veker.
2. studieåret: 4 veker.
3. studieåret: 2 veker.
4. studieåret: 2 veker.

1 veke tilsvarar ei arbeidsmengd på om lag 40 timar.

Som ein integrert del av studiet i pedagogisk praksis dei tre første studieåra - og i samsvar med vedteken studiemodell - får studentane praksis i dei obligatoriske faga såleis:

1.studieåret: Klasselærerpraksis inkludert fagpraksis i matematikk og estetiske fag.

2.studieåret: Klasselærerpraksis inkludert fagpraksis i norsk, KRL og matematikk.

3.studieåret: Klasselærerpraksis inkludert fagpraksis i KRL, NSM og norsk.

4.studieåret: Klasselærerpraksis inkludert fagpraksis i NSM og praktisk fag.

### Praksisgrupper/oppfølging/studentrettleiing/samarbeid mellom lærargruppene

Talet på studentar i ei praksisgruppe skal til vanleg ikkje overstige 4. Rettleiing i samband med praksis er eit fellesansvar for øvingslærarane og faglærarane. I sjølve praksisbolkane har øvingslærarane eit hovudansvar for rettleiinga.

Før kvar praksisbolk vert det gjort nærare avtale om praksisoppfølging og ansvarsfordeling for planlegging, gjennomføring, rettleiing, vurdering og tidspunkt for møte på øvingssskulane. Desse samarbeidsavtalane tek utgangspunkt i profileringane for kvart studieår og vert fastsette av årsstegsgruppa i samarbeidsmøte i god tid før praksisbolken tek til. Dei involverte faglærarane og øvingslærarane deler oppgåvene mellom seg. Det er viktig at studentane gradvis blir stilte overfor større og større utfordringar. Dette krev nær kontakt mellom faglærar/øvingslærar og student som særleg i rettleiingssamtalane kan få utvikla si refleksjons- og vurderingsevne. Det er naturleg at desse samtalane følgjer prinsippa i pedagogisk rettleiing.

Prosjektrapportane til studentane kan vere med på å sikre og dokumentere progresjon. På denne måten vil særleg evna til systematisk refleksjon vere i fokus.

### Rettleiande læreplan med rolleavklaring for praksisbolkane

Før kvar praksisbolk skal det haldast eit orienterings-/planleggingsmøte mellom studenten/praksispartiet og øvingslæraren/øvingssskulen. På dette møtet gjev øvingslæraren informasjon om skulen, til dømes lokale læreplanar, ordensreglar, samarbeidsformer, organisering, timeplan, læremiddel. Dessutan drøfter ein planen for den aktuelle praksisbolken. Dette møtet bør haldast på den aktuelle øvingssskulen.

Med sikte på progresjon i praksisopplæringa legg øvingslæraren til rette for aukande grad av ansvar og sjølvstende i å planleggje, grunnkje, gjennomføre og vurdere undervisnings- og oppsedingsarbeid. Studentane møter utdanninga og praksissituasjonen med ulik bakgrunn og røynsle. I samråd med studenten bør det derfor ved fordelinga av arbeid og oppgåver takast omsyn til dette, særleg i 1. studieåret. Arbeidet i praksisbolkane er eit fellesansvar for øvingslæraren og praksispartiet/studenten med øvingslæraren som leiar og rettleiar. Når det ligg til rette for det, og ein student ønskjer det, bør studenten kunne vere åleine med klassen, medan øvingslæraren og dei andre studentane gjer anna arbeid.

Dersom øvingssskulen har nådd eit høgt IKT-nivå, kan det vere mogeleg for faglærar, øvingslærar og student(ar) å nytte nettet som kommunikasjonsarena i faglege og praksisrelaterte spørsmål.

Eit oversyn over oppgåver og ansvar for øvingslærarar og for studentar i høve gjennom-føringa av praksisbolkane er

vist i egne praksisplanar.

### Obligatorisk frammøte

Det er obligatorisk frammøte til all rettleidd praksis, praksisførebuing og etterarbeid. Dette gjeld møta med øvingslærer i tilknytning til praksisbolkane, undervisning og rettleiingstimar. Øvingslæraren kan gje permisjon inntil 1 dag. Permisjonar utover dette skal gjevast av fagleg ansvarleg/studieleiar/praksiskontor (Jf. elles vurderingsføresegnene). Fråvære mellom 20 - 30% må takast att. Viser til reglement for studentframmøte i Studiehandboka for HVO.

## **VURDERING**

I det følgjande tyder praksis rettleidd og vurdert praksis.

### Rettleiande vurdering i praksisbolkane

Øvingslæraren/øvingslærarteamet skal gje kvar student munnleg rettleiing og drøfte arbeidet med studenten frå dag til dag i praksisbolken. Dessutan får kvar student ei skriftleg vurdering ved slutten av praksisbolken (oppsummering) med utgangspunkt i dei oppsette kriteria, målområda for studieåret og studenten sin heilskapsrefleksjon omkring praksis. Denne vurderinga skal leggest fram for studenten i ein refleksjons- og rettleiingssamtale. Studenten skriv under i lag med øvingslærer(ane).

Kopi av vurderinga skal følgje med til praksiskontoret. På den måten har neste øvingslærer/øvingslærarteam eit grunnlag å byggje si vurdering på med tanke på studenten si utvikling. Både i sjølve praksisbolken og i den oppsummerande vurderinga skal øvingslæraren med utgangspunkt i studenten si eigenvurdering gje studenten rettleiing i kva studenten bør arbeide vidare med i studiet. Fagleg ansvarleg/studieleiar og øvingslærer orienterer studentane om vurderingskriteria og målområda for kvart studieår, slik at studentane veit kva for kriterium som ligg til grunn for vurderinga. Den oppsummerande skriftlege vurderinga ved slutten av praksisbolken dannar grunnlaget for karakteren i praksisbolken. Øvingslæraren gjev melding om karakteren til studenten. Karakteren er "Stått"/"Ikkje stått". Denne karakteren skal stå på eit eige ark i praksisrapporten til praksiskontoret.

### **Rettleiande vurderingskriterier av praksis**

Dette er kriterier som er i samsvar med mål og målområda for praksisopplæringa.

#### Yrkesetisk kompetanse

- Vise ansvar, sjølvstende og engasjement i forhold til oppgåver studenten sjølv har teke på seg eller blitt pålagd.
- Arbeide etter instruks for lærarar, i samsvar med verdiar og normer som er nedfelte i skulelov og læreplan.
- Vere punktleg og møte førebudd til undervisning.
- Vise evne til kritisk refleksjon over eiga rolle og eigen praksisteori.

#### Didaktisk kompetanse, fagkompetanse og utviklingskompetanse

- Evne til å ivareta rolla som undervisar og oppsedar.
- Viser generell didaktisk- og fagdidaktisk kompetanse. Såleis evne til å planleggje, tilrette-leggje, gjennomføre, vurdere og grunngje undervisning og læringsarbeid i forhold til teori, i forhold til dei elevane studenten arbeider med og i forhold til dei faga studenten underviser i
- Viser gode kunnskapar i faga studenten underviser i.
- Viser interesse og engasjement for å drive utviklingsarbeid.

#### Sosial kompetanse

- Evne til kontakt og kommunikasjon med elevane.
- Evne til å leie læreprosessen og organisere læringa for einskildelevar og for grupper av elevar.
- Evne til kontakt og samarbeid med ulike grupper i det praktiske lærararbeidet.
- Evne til konfliktløsning.
- Evne til innleving og evne til å ta omsyn til andre sine behov.
- Evne til å ta mot rettleiing og endre åtferd. Reagerer studenten med forsvarsåtferd?

Studenten vil bli vurdert ut frå alle desse kriteria og vil få karakter etter ei heilskapsvurdering. Ved karakteren «Ikkje stått» i rettleidd praksisstudium er det høve til å framstille seg 1 (ein) gong til ny vurdering (§5 pkt. 6 i eksamensforskriftet ved HVO).

I den samanheng viser vi til eige oppsett om "Rutinar i samband med karakteren "Ikkje stått" i rettleidd praksisstudium i allmennlærerutdanninga".

Studenten kan også ut frå ei heilskapsvurdering bli kjend uskikka som lærar. Sjå elles eige forskrift av 16. august 1999 om skikkavurdering i lærarutdanningane.

### Avsluttande vurdering/praksiskarakter

Studenten skal ha eigen karakter i praksis etter at praksisbolken i 4. studieåret er gjennomført. Sluttkarakteren i praksis vert fastsett av dei øvingslærarane som har hatt studenten i praksis og av dei faglærarane som har følgd opp og rettleidd studenten i praksisopplæringa. Dersom studentar kan bli vurderte til "Ikkje stått" i samband med praksis 4. studieåret, kallar fagleg ansvarleg/studieleiaren for allmennlærerutdanninga inn til karaktermøte og syter for at den endelege karakteren blir førd i protokoll og underteikna av dei som har teke del i vurderinga.

Høgskulen skal så snart karakterane er sette, gjere resultatet tilgjengeleg for studentane.

#### Praksis i andre pedagogiske miljø

Innanfor den 4-årige allmennlærerutdanninga har ein etter rammeplanen høve til å ha inntil 3 veker praksis i andre pedagogiske miljø i 3. studieår. I den 5-årige desentraliserte modellen går denne praksisen inn i kravet om minst 20% praksis under studiet.

#### Praktisk lærararbeid i det 5. studieåret

I samsvar med lov, rammeplan for allmennlærerutdanninga og vedtak i avdelingsstyret, skal alle studiefaga som går inn i det siste studieåret ved allmennlærerutdanninga, omfatte praksis på 2-4 veker knytta til fagstudiet. Studiefaga omfattar såleis også lærararbeid etter at praksis er avslutta 3. studieåret. Praksisopplæringa i 5. studieåret skal bygge vidare på dei kunnskapane og erfaringane studentane har frå dei 4 første studieåra.

Nærare retningslinjer er innarbeidde i dei ulike fagplanane som gjeld det siste studieåret i allmennlærerutdanninga ved HVO.

Praksisopplæringa i siste studieår blir knytt opp til oppgåver gitt i fagstudiet. Vurderinga av desse, inkludert praksisdelen går inn i dei einskilde faga.

#### Rutinar ved spørsmålet om å vere skikka som lærar.

Ein syner til "Forskrift om skikkethetsvurdering i lærerutdanningene" av 16. august 1999.

### **RUTINAR I SAMBAND MED KARAKTEREN «IKKJE STÅTT» I RETTLEIDD PRAKSIS I ALLMENNLERARUTDANNINGA ETTER NY RAMMEPLAN 1999**

§5 pkt-6 i forskriftet om eksamen ved Høgskulen i Volda heiter det m.a.:

*Ved karakteren "Ikkje stått" i rettleidd praksisstudium er det høve til å framstille seg 1 (ein) gong til ny vurdering.*

Følgjande retningslinjer presiserer korleis regelen skal praktiserast:

1. Dersom ein kandidat får karakteren «Ikkje stått» i praksis første studieår, må kandidateN gjennomføre ein ny praksisperiode på to veker i løpet av mai/juni. I desse to vekene får kandidaten særskild rettleiing av ein annan øvingslærer på det området/dei områda kandidaten har vist manglar første praksisbolken i 1. studieåret. Får kandidaten «Ikkje stått» også i denne ekstra praksisperioden, må han avbryte studiet.
2. Dersom ein kandidat har stått praksis 1. året, men får karakteren "Ikkje stått" i praksis 2. studieåret, må kandidaten gjennomføre ein ny rettleidd praksisbolk på 2 veker i mai/juni eller i starten av 3. studieår. Får kandidaten "Ikkje stått" i praksis også i denne praksisperioden, er sjansane oppbrukte og studenten må avbryte studiet.
3. Har ein kandidat stått 1. og 2. studieåret, men får «Ikkje stått» 3. året, må studenten gjennomføre ein ny rettleidd praksisbolk på 1 veke i mai/juni eller i byrjinga av 4. studieår. Får kandidaten "Ikkje stått" på nytt, må han avbryte studiet.
4. Dersom ein kandidat har stått praksis i 1., 2. og 3. studieår, men får "Ikkje stått" 4. studieår, blir det halde særskild vurderingsmøte for denne studenten. Dersom sluttkarakteren blir "Ikkje stått", får kandidaten gjennomføre ein ny rettleidd praksisbolk på 1 veke i byrjinga av 5. studieår. Får kandidaten "Ikkje stått" på nytt, må han avbryte studiet.

## **MATEMATIKK 1, 30 STUDIEPOENG**

### **INNLEIING**

#### Omfang

Studieeininga gir 30 studiepoeng.

### Målgruppe

Studieeininga er obligatorisk i det regiontilpassa allmennlærerstudiet.

### Opptakskrav

Studieeininga krev generell studiekompetanse.

Det er ein føresetnad at studentane beherskar matematikk på grunnskulenivå, eller ved ekstra innsats tileignar seg slik forkunnskap. Det vert gitt tilbod om forkurs til dei som treng hjelp til å tileigne seg viktige delar av grunnskulematematikken.

## **MÅL**

Rammeplanen gir fem målområde for studieeininga:

- Kunnskap i matematikk
- Didaktikk
- Matematikk som skapande og resonnerande verksemd
- Matematikk som reiskap og metode
- Matematikk i kultur og samfunn

Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av måla for studieeininga.

## **INNHALD**

Innhaldet i studieeininga femner om dei fem målområda som er nemnde over. Innhaldet er tematisert med utgangspunkt i følgjande emne:

- Byrjaropplæring
- Fagdidaktikk
- Tallære
- Geometri
- Algebra
- Funksjonslære
- Statistikk og sannsinsrekning

Alle emna inneheld ein fagleg og ein fagdidaktisk del som utgjer eit heile. Innan for ramma av kvart emne vert såleis relevante didaktiske tema tekne opp.

Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av innhaldet i studieeininga.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Studieeininga legg opp til varierte arbeidsformer slik at studentane sjølve skal få erfaringar med matematikk som skapande og resonnerande verksemd, og få gjere seg kjende med ulike reiskap og metodar. Nokre av desse arbeidsformene vil stille store krav til studentane når det gjeld evne til sjølvstendig arbeid, samarbeid og initiativ for å fremje eiga og medstudentar si læring. Det vert forventa at studentane brukar rikeleg med tid til å arbeide med pensum på eiga hand. Det vil også bli lagt vekt på å leggje tilhøva til rette for kontakt mellom lærarar og studentar, slik at den einskilde studenten kan få den hjelp han treng.

### Dokumentasjon av læring gjennom studiet

For å støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet, er vurderingsordninga utforma som ein del av arbeidsmåtane i studieeininga. Studentane skal gjennom studiet dokumentere ulike typar arbeid i ei digital

dokumentasjonsmappe (sjå avsnittet om vurdering og eksamen). Krava til innhald og omfang av dei enkelte mappeinnlegga vert gjort offentleg ved studiestart.

### Arbeidsformer

I dei ulike arbeidsformene vert følgjande gruppeinndeling nytta; plenum, seminar (20 stk), basis (4 stk) og individ. Ein kan grovt dele inn arbeidsformene slik:

#### · Sjølvstudium og kollokvium

\_ Studentane er sjølv ansvarlege for å tileigne seg pensum i studieeininga, ikkje alt vert omhandla av den lærarorganiserte delen av studiet. I samband med dette vert studentane oppfordra til å danne kollokviégrupper.

#### · Utforsking og problemløysing - oppgåvedrøfting i seminar

\_ Studentane skal arbeide med oppgåver som krev ein utforskande og problemløysande arbeidsmetode, både individuelt og i basisgrupper. Det vert forventa at studentane tek aktiv del i gjennomgangen og drøftinga av oppgåvene i seminartimane.

#### · Arbeid med didaktiske refleksjonsoppgåver -- vurdering av medstudentar sine didaktiske refleksjonsoppgåver

\_ Det vert gitt didaktiske refleksjonsoppgåver som studentane skal arbeide med, og formulere individuelle svar på. Kvar student skal gi tilbakemelding på medstudentar sine arbeid. Både svara og tilbakemeldingane skal leggst i dokumentasjonsmappa og vert såleis ein del av vurderingsgrunnlaget i studieeininga.

#### · Studentpresentasjonar om utvalde tema - vurdering av medstudentar sine presentasjonar

\_ Basisgruppene får tildelt ulike faglege emne frå pensum som dei får i oppgåve å presentere for seminargruppa. Medstudentane skal vurdere og gi tilbakemelding på presentasjonane. Både presentasjonsmaterialet og tilbakemeldingane skal leggst i dokumentasjonsmappa og vert såleis ein del av vurderingsgrunnlaget i studieeininga.

#### · Forelesingar om utvalde tema

\_ I plenumsamlingane vil ein hovud--sakleg fokusere på spesielt viktige delar av pensum. Det vert ikkje gitt forelesingar i heile pensumet. Før kvar forelesing vert det gitt oppgåver som skal førebu studenten til temaet for forelesinga. For å få fullt utbytte av forelesinga bør studenten ha arbeidd med desse oppgåvene.

### Samlingar

Forelesingane, seminartimane og studentpresentasjonane vert lagt til samlingar. Tid og stad for desse samlingane vert fastsett av Avdeling for lærarutdanning. Studentane må sette av tid til å arbeide med oppgåver av ulike slag mellom samlingane.

### Bruk av IKT

Studieeininga nyttar ClassFronter som eit verkty for læring og kommunikasjon. Det er difor ein føresetnad at studentane held seg kontinuerleg oppdatert om den informasjonen som vert lagt ut, og aktivt tek del i dei læringsprosessane det vert lagt opp til ved hjelp av dette verktyet. Ein del av kommunikasjonen vil også gå via e-post, det er difor viktig at studentane les e-post regelmessig.

Studentane skal få erfaringar i vurdering og bruk av pedagogisk programvare, digitale læremiddel og generelle verktyprogram som til dømes rekneark.

### Prosjektarbeid

Studentane skal gjennomføre eit prosjektarbeid der dei får øving i den hypotetisk-deduktive arbeidsmetoden. Prosjektarbeidet skal dokumenterast digitalt, og inngår som ein del av den avsluttande vurderinga i studieeininga (sjå avsnittet om vurdering og eksamen).

### Tilpassa opplæring

Kartlegging av enkeltelevar og elevgrupper sine forkunnskapar i ulike matematiske emne er ein viktig del av planleggingsarbeidet ein matematikklærer må gjere. Kjennskap til elevane sine forkunnskapar er avgjerande for å kunne skape gode læreprosessar som tek utgangspunkt i det eleven kan gjennom tilpassing og differensiering. Dette

gjeld alle elevar, men er særleg viktig i arbeid med elevar med matematikkvanskar og elevar med spesielle anlegg for matematikk.

Diagnostisk undervising og andre måtar å kartleggje kunnskapar på er ein del av pensum. Dette er problemstillingar som vert særskild handsama gjennom dei arbeidsoppgåvene studentane får i samband med praksis.

### Praksis

Praksis skal knytast opp mot studieeininga gjennom særskilde arbeidsoppgåver. Praksis vert på denne måten ein obligatorisk del av studieeininga. Studentane skal gjennomføre ei arbeidsoppgåve som inneber arbeid med barn eller elevar. Denne arbeidsoppgåva skal gjerast i samband med praksis.

### FoU-tilknytning

Matematikkseksjonen deltek i eit forskings- og utviklingsprosjekt (PLUTO) som tek sikte på å auke den didaktiske bruken av IKT i studieeininga. Studentane vil bli trekte med i dette FoU-arbeidet, spesielt gjennom vurdering og evaluering av IKT-delen av eininga.

### Studiekvalitetsarbeid

Studieeininga har eit eige fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantar frå kvar seminargruppe deltek i ei kontinuerleg utvikling av eininga.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Vurderingsordninga er utforma som ein del av arbeidsmåtane i studieeininga med tanke på å støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet.

### Vilkår for å gå opp til eksamen - arbeidskrav

Før studenten kan gå opp til den avsluttande munnlege eksamenen må han avlegge to godkjende individuelle skriftlege prøver. Prøvene vert vurderte av faglærer som godkjent/ikkje godkjent, og studenten får to forsøk til å bestå kvar prøve.

Før studenten kan gå opp til den avsluttande munnlege eksamenen må han i tillegg få godkjent den digitale dokumentasjonsmappa. Krava til innhald, omfang og innleveringstidspunkt for dei ulike elementa i dokumentasjonsmappa vert gjort offentleg ved studiestart.

Krava til tal på dei ulike elementa i dokumentasjonsmappa er:

- 10 svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (individuell arbeid)
- 10 vurderingar av medstudentar sine svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (individuell arbeid)
- 1 svar på kasusoppgåve om byrjaropplæring (gruppearbeid)
- 3 vurderingar av medstudentar sine svar kasusoppgåver om byrjaropplæring (gruppearbeid)
- 2 presentasjonar av faglege emne (gruppearbeid)
- 6 vurderingar av medstudentar sine presentasjonar av faglege emne (individuell arbeid)

Det skal veljast ut element frå dokumentasjonsmappa som skal utgjere ei vurderingsmappe. Innhaldet i vurderingsmappa skal vere:

- 3 svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (2 valt av studenten og 1 valt av faglærer)
- 3 vurderingar av medstudentar sine svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (2 valt av studenten og 1 valt av faglærer)
- 1 svar på kasusoppgåve om byrjaropplæring (valt av studenten)
- 1 vurdering av medstudentar sitt svar kasusoppgåve om byrjaropplæring (valt av studenten)
- 1 presentasjon av fagleg emne (valt av studenten)
- 1 vurdering av medstudent sin presentasjon av fagleg emne (valt av studenten)

### Eksamen

Den endelege formelle vurderinga byggjer på to uavhengige komponentar:

- Eit prosjektarbeid gjennomført i grupper.
- Ein individuell munnleg eksamen. Denne eksamenen omfattar både spørsmål frå pensum og forsvar av vurderingsmappa. Det er høve til å framstille seg for munnleg eksamen sjølv om ikkje prosjektarbeidet er levert/godkjent.

Den endelege karakteren vert utrekna som eit vekta gjennomsnitt med 25 % vekt på prosjektarbeidet og 75 % vekt på den munnlege eksamenen. For å få godkjent karakter, må begge komponentane vere god-kjent. Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

## PENSUM

### Pensumlitteratur

- Marit Johnsen Høines (1998): Begynneropplæringen - fagdidaktikk for barnetrinnets matematikkundervisning, 2. utgåve, Caspar Forlag.
- Kjartan Tvette og Bjørg Kristin Selvik (1999): Matematiske sammenhenger - Tallære, Caspar Forlag.
- Christoph Kirfel, Hans-Jørgen Brucker og Olga Herbjørnsen (1998): Matematiske sammenhenger - Geometri, Caspar Forlag.
- Bjørg Kristin Selvik, Reinert Rinvold og Marit Johnsen Høines (1998): Matematiske sammenhenger - Algebra og funksjonslære, Caspar Forlag.
- Knut Ole Lysø (1999): Matematiske sammenhenger - Statistikk og sannsynlighetsregning, Caspar Forlag.
- Marit Johnsen Høines (2002): Matematiske sammenhenger - Didaktikk, Caspar Forlag.

I tillegg kjem utdelt materiale/materiale lagt ut på ClassFronter, som til dømes oppgåver. Det vil bli utarbeida ei detaljert pensumliste.

### Støttelitteratur

- Trygve Breiteig og Rolf Venheim (1998): Matematikk for lærere 1, 3. utgåve, Tano Aschehoug.
- Trygve Breiteig og Rolf Venheim (1999): Matematikk for lærere 2, 3. utgåve, Tano Aschehoug.
- Geir Botten (1999): Meningsfylt matematikk - nærhet og engasjement i læringen, Caspar Forlag.
- Olga Herbjørnsen (1998): Rom, form og tall - Matematikdidaktikk for barnetrinnet, Tano Aschehoug.
- Christoph Kirfel (1994): Eksperimentering med matematikk, Caspar Forlag.
- Stieg Mellin-Olsen og Nora Lindén (1997): Perspektiv på matematikkvansker, 2. utgåve, Caspar Forlag.
- Ann Ahlberg (1996): Barn og matematikk, Cappelen Akademiske Forlag.
- Bjørnar Alseth (1998): Matematikk på småskoletrinnet, Nasjonalt læremiddelsenter.
- Geir Tufteland et al (1998): Matematikk 1 - For allmennlærerutdanningen, Bind 1 & 2, Universitetsforlaget.
- Olav Nygaard, Per Sigurd Hundeland og Petter Pettersen (1999): Aha - Matematikk og matematikdidaktikk, 2. utgåve, Høyskoleforlaget.

## PEDAGOGIKK, 30 STUDIEPOENG

### Vilkår for å halde fram i lærarutdanningane.

Vi syner til retningslinjer i generell del for Avdeling for lærarutdanning i studiehandboka.

## INNLEIING

Høgskolen i Volda sin plan for pedagogikk byggjer på *Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning* (KUF 1999). Denne er bindande for lokale fagplanar, og det blir derfor vist til denne for nærare opplysningar.

Pedagogikk er lagt til dei fire første studieåra i allmennlærerutdanninga. Sentrale tema i faget er læring, undervisning, oppseding og sosialisering. Studiet i pedagogikk skal kvalifisere for heile breidda i det pedagogiske arbeidet som lærarar i grunnskulen har ansvar for. Ein tar derfor sikte på å utvikle grunnleggande haldningar, kunnskapar og ferdigheiter med tanke på denne oppgåva.

Studieeininga byggjer på den oppfatninga at teori og praksis er avhengige av kvarandre, og spelar saman i utvikling av ny innsikt. Det vil derfor bli lagt vekt på å binde saman kunnskap og erfaring frå teori og praksis. I samarbeid mellom fag, pedagogikk og praksisfelt vil det bli lagt vekt på å binde saman dei ulike delane i allmennlærerutdanninga. Dette vil særleg skje i samarbeid om felles problemstillingar og felles oppgåver i tilknytning til den organiserte praksisopplæringa.

## MÅL OG MÅLOMRÅDE

Vi viser til MÅL og MÅLOMRÅDE s.39 - 45 i *Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning* (KUF 1999)

## FAGLEG INNHOLD

### 1. og 2.studieår :

**Profil: Elev, lærar, læringsmiljø og elev, klasse, skule** Samspel elev-lærar. Den aktive eleven. Læring i skule, heim og fritid. Lærarrolla. Skulen sitt føremål og planverk. Skulen som oppvekst- og læringsmiljø. Fellesskap og lokal, individuell og kulturell tilpassing. Kommunikasjon. Den estetiske dimensjonen. Yrkesetikk.

Aktuelle tema desse studieåra:

Gruppedynamikk og gruppepsykologi

Utvikling, sosialisering og læring - omgrep og perspektiv

Tilpassa opplæring / den inkluderande skulen

Leik og læring

Skulen som læringsmiljø

Byrjaropplæringa

Skulen si grunngeving, mandatet, verdigrunnlaget, berande mål, prinsipp og retningsliner i læreplanverket.

Didaktikk som grunnlag for læraren sitt arbeid.

Læraren sitt arbeid i eit samfunnsperspektiv.

Arbeid i klassen og skulefellesskapet.

Å vere lærar.

### 3. og 4. studieår

**Profil: Elev, skule, samfunn.** Samarbeid skule-heim og nærmiljø. Skulen som organisasjon. Skulen i samfunnet. Det lokale, nasjonale og internasjonale perspektivet.

Aktuelle tema desse studieåra:

Skule- og idehistorie

Skule- heim og lokalsamfunn

Tilpassa opplæring med vekt på likestilling, den fleirkulturelle skulen og spesialpedagogisk arbeid

IKT og undervisning

Vurdering og skuleutvikling

Pedagogikk som vitskapsfag

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

### Organisering innanfor kvart semester.

Pedagogikk er lagt til dei fire første studieåra, med avsluttande eksamen i 4.studieår. Pedagogikk utgjer 30 studiepoeng. Studieeininga blir organisert med 12 studiepoeng 1.studieår, 3 studiepoeng 2.studieår, 7,5 studiepoeng 3.studieår og 7,5 studiepoeng 4.studieår.

### Organisering av undervisninga.

Ansvar for eiga læring og eige studiearbeid er ein viktig føresetnad for kvalifisering for læraryrket. Ein sentral del av studiet blir derfor individuelt arbeid og forpliktande deltaking i basis- og seminargrupper. Arbeidet skal dokumentrast. Det blir lagt vekt på individuell og gruppevis rettleiing. For å realisere desse prinsippa og arbeidsmåtane, blir "problembasert læring" (PBL) brukt som obligatorisk arbeidsmåte. I PBL foregår store delar av studiearbeidet i basis- og seminargrupper der studentane arbeider etter ein bestemt framgangsmåte og progresjon med utgangspunkt i praktiske eller praksisnære situasjonar og problem. Studentane vil få informasjon om arbeidsmåten ved studiestart kvart år. IKT skal aktivt takast i bruk som kommunikasjonsmiddel mellom lærar og studentar, og innbyrdes mellom studentar.

### Utarbeiding av undervisningsplanar



Fagplanen skal vere utgangspunktet for utarbeiding av konkrete undervisningsplanar. Ein slik undervisningsplan kan gjelde for eit semester eller eit studieår, og den skal bl.a.vise tematisk oppbygging, obligatoriske arbeidskrav, obligatorisk frammøte og innleveringsfristar. Utarbeiding av semesterplanar skjer i samarbeid mellom faglærarar og studentar.

### Tverrfagleg samarbeid

"Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning" (KUF 1999) føreset at studieeininga skal hjelpe til med å binde saman dei ulike delane av allmennlærerutdanninga. Studia i faga, pedagogikk og praksis skal utgjere eit samordna, heilskapleg studieopplegg. Faget deltar i obligatoriske tverrfaglege prosjekt og seminar som er gjort greie i studiehandboka under 4-årig allmennlærerutdanning.

### Faglitteratur

I studiet arbeider ein med faglitteratur som er sentral i høve til dei emneområda som blir tatt opp. Det inneber at pensum skal omfatte alle dei fire målområda i planen, og blir sett til ca. 2500 sider.

### Studieevaluering og kvalitetssikring

Studieeininga har eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantar frå kvar seminargruppe deltek i ein kontinuerleg utviklingsprosess.

### Frammøteordning

Det er obligatorisk frammøte til deler av pedagogikk alle fire studieåra. Dette vil bl.a. gjelde tverrfaglege prosjekt og temaarbeid, praksisførebuing og praksisetterarbeid, rettleiing, arbeid i basisgrupper og studentseminar. For studentar som ikkje oppfyller frammøtekrava, gjeld generelle reglar for frammøte og vurdering.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Vurderingsordning og arbeidsmåtar i studieeininga skal støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet.

### Vilkår for å gå opp til eksamen - arbeidskrav

Vilkår for å gå opp til eksamen er gjennomførde og godkjende arbeidskrav. Eitt av arbeidskrava er ei individuell skriftleg open- bok-prøve i 2.semester. Den blir vurdert av faglærar til godkjend/ ikkje godkjend, og studenten får to forsøk på prøva.

I tillegg må studenten få godkjend ei dokumentasjonsmappe. Dokumentasjonsmappa skal innehalde:

- PBL-arbeid 1.,3. og 4. studieår (skriftleg oppgåve og logg med utgreiing og vurdering av gruppeprosessen) (gruppearbeid)
- To skriftlege vurderingar av basisgruppepresentasjonar i PBL (individuellt arbeid)
- Ei skriftleg oppgåve om byrjaropplæringa i 2.studieår (individuellt arbeid)
- To skriftlege fordjupingsoppgåver, ei i 2.studieår og ei i 3.studieår (individuellt arbeid)

Det skal veljast ut element frå dokumentasjonsmappa til ei vurderingsmappe. Denne skal leverast til faglærar i to eksemplar i midten av 8. semester. Vurderingsmappa skal innehalde:

- Eitt PBL-arbeid (skriftleg oppgåve og logg med utgreiing og vurdering av gruppeprosessen) (gruppearbeid)
- Ei skriftleg vurdering av ein basisgruppepresentasjon i PBL (individuellt arbeid)
- Ei skriftleg oppgåve (individuellt arbeid)

### Eksamen

Den endelege formelle vurderinga byggjer på to komponentar:

- Vurderingsmappa (sjå ovanfor)
- Ein individuell munnleg eksamen. Denne eksamenen omfattar spørsmål frå pensum og forsvar av vurderingsmappa.

Dei to komponentane utgjer kvar 50% av den endelege karakteren i faget pedagogikk. Bokstavkarakterane A - E blir brukt for stått, F for ikkje stått.

## **PENSUM OG KUNNSKAPSKJELDER**

Ei endeleg *pensumliste* vert kunngjort i 6.semester. Ved oppsetting av pensum må ein ta omsyn til at sentrale delar av faget får forsvarleg dekning. Nedanfor følgjer ei oversikt over ein del aktuell litteratur. Pensumlitteraturen blir stort sett å finne innanfor denne litteraturen.

### Aktuell litteratur

Asmervik, Sverre m.fl.1999. Innføring i spesialpedagogikk. Universitetsforlaget  
Baune, Tove Aarsnes 1995. Den skal tidlig krøkes ... Skolen i historisk perspektiv. Cappelen Akademisk forlag.  
Bergem, Trygve 1998. Læreren i etikkens motlys. Ad Notam Gyldendal.  
Berthelsen, Jens m.fl.1991. Innføring i prosjektarbeid. Fag og Kultur.  
Bjørke, Gerd 2000. Problembasert læring. Tano Aschehoug  
Bjørnes, Else m.fl.1993. Leker like barn best? Grunnbok i migrasjonspedagogisk teori og praksis. Tano.  
Bolstad, Bjørn (red) 2001. Moderne pedagogikk Teori og praksis ved Ringstadbekk skole. Universitetsforlaget  
Brøyn, Tore og Jon-Håkon Schultz (red.) 1999. IKT og tilpasset opplæring. Tano Aschehoug. Bø, Ingerid 1996.  
Foreldre og fagfolk. Samarbeid i barnehage og skole. Tano. Aschehoug.  
Eik, Liv Torunn 2000. Lekende læring og lærende lek i den nye småskolen. Pedlex. Norsk Skoleinformasjon  
Ekeberg, Torill Rønsen og Holmberg, Jorun Buli 2000. Tilpasset opplæring og spesialpedagogisk arbeid i skolen.  
Tano Aschehoug.  
Engelsen, Britt Ulstrup 1999. Kan læring planlegges? Ad Notam Gyldendal  
Engen, Thor Ola og Kulbrandstad, Lars Anders 1998: Tospråklighet og minoritetsundervisning. Ad Notam  
Gyldendal  
Gjøsund & Huseby 1998. To eller flere. Basiskunnskap i gruppepsykologi. NKS-Forlaget  
Gjøsund & Huseby 1999. I fokus. Observasjonsarbeid i skolen. NKS-Forlaget  
Handal, Gunnar og Lauvås, Per 1999. På egne vilkår. Cappelen.  
Høigaard, Rune m.fl.2001. Veiledningssamtaler med elever. Høyskoleforlaget.  
Hylland Eriksen, Thomas (red.) 1997. Flerkulturell forståelse. Tano Aschehoug.  
Imsen, Gunn 1998. Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi. Tano Aschehoug  
Imsen, Gunn 1999. Lærerenes verden. Innføring i generell didaktikk. Tano Aschehoug  
Kyrkje-utdannings- og forskningsdepartementet 1998. Rettleiing L97, L97S Elevvurdering.  
Melheim, Kristoffer 1998. Arbeid i fådelt skule. Det Norske Samlaget1  
Myhre, Reidar 1997. Grunnlinjer i pedagogikkens historie. Ad Notam Gyldendal.  
Roland, Erling 1998. Elevkollektivet. Rebell Forlag.  
Roland, Erling og Grete Sørensen Vaaland 1996. Mobbing i skolen. En lærerveiledning. KUF.  
Skaalvik & Skaalvik 1996. Selvoppfatning, motivasjon og læringsmiljø. Tano  
Telhaug, A.O. 1994. Utdanningspolitikken og enhetsskolen.  
Aasen, Joar og Engen, Thor Ola (red.) 1994. Didaktikk og læreplanarbeid. Oplandske Bokforlag.

### Lover og planar

Lov av 17. juli 1998 nr 61. Om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova). Cappelen  
Akademisk Forlag 1998.

Lov om barnevern.

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97). KUF 1996, med fagplantillegg.

## **MUSIKK 1, 15 STUDIEPOENG**

### **INNLEIING**

Musikk 1 er ein del av PLUTO-prosjektet (sjå felles informasjon). Dette inneber mellom anna utvida bruk av IKT og forsøk med alternative arbeidsformer, noko som igjen kan medføre endringar i gjeldande fagplan - også i løpet av studiet.

Fagplanen byggjer på Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet sin Rammeplan og forskrift av 01. juli 1999. Rammeplanen skildrar faget sin eigenart og generelle mål, og omtalar også musikkfaget i opplæringsystemet.

I allmennlærerutdanninga er faget organisert i studieeininingane Musikk 1 (15 studiepoeng), Musikk 2 (30 studiepoeng) og Musikk 3 (30 studiepoeng). Desse einingane skal byggje på kvarandre etter spiralprinsippet.

*Musikk 1* ligg i første året i grunnutdanninga, med 7,5 studiepoeng første semester og 7,5 studiepoeng det andre. *Musikk 2* og *Musikk 3* kan takast eit seinare studieår, eller som vidareutdanning.

### **MÅL**

Sjå Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga.

### **INNHALD (MÅLOMRÅDE)**

Dei fem målområda er: 1. Musisere, 2. Danse, 3. Komponere, 4. Lytte 5. Reflektere og integrere (fagdidaktikk).  
For meir informasjon: sjå Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga kap.3.9..

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Musikk 1 er lagt til første og andre semester i denne desentraliserte allmennlærerutdanninga. Studiet er organisert i samlingar, seminar, arbeid i basis-/spelegrupper og individuelt. I tillegg til vanleg undervisning vil stor vekt bli lagt på arbeidsformer tilpassa eit nett-studium. Kommunikasjon vil gå føre seg i Classfronter.

Organiseringa vil variere mellom undervisning i storgruppe (t.d. kor), klasse og mindre grupper. Arbeidsformene vil vekse mellom førelesingar, verkstadarbeid og arbeid i mindre grupper.

Studiet føreset stor grad av sjølvstendig arbeid / eigenøving utover dei timeplanlagde timane.

All undervisning i musikkfaget er obligatorisk. Godkjent frammøte er ein føresetnad for å kunne framstille seg til avsluttande vurdering.

### IKT

Studentane får eit innføringskurs i bruk av dataprogram for notasjon / sekvensering (t.d. Musicator). Studentane skal kunne gjere enkle innspelningar for opp til seks instrument, rette feil og redigere innspelningane. Nokre enkle arrangeringsteknikkar blir gjennomgått. Kurset blir organisert i grupper i forhold til maskinkapasitet (haustsemesteret).

### Tilpassa opplæring

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

- musikkpedagogisk verksemd for elevar med ulike føresetnader og tilpasningsbehov
- musikkpedagogisk verksemd for elevar med ulik norsk og framandkulturell bakgrunn

For meir informasjon: sjå Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga kap.3.9.

### Studieevaluering

Kvar klasse utnemner i starten på første semester i faget ein representant til ei gruppe som saman med faglærarar tek seg av dette arbeidet. Gruppa skal gå gjennom planen for kvart semester og godkjenne denne. Gruppa skal kvar månad - eller etter behov - kallast saman og eventuelt gjere endringar.

For meir informasjon : sjå felles informasjon.

### Praksis

Sjå felles informasjon.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### Forkrav

Studenten må ha godkjent frammøte for å kunne framstille seg for eksamen. All undervisning i faget er obligatorisk. Vurderinga byggjer på prøver og obligatoriske arbeid.

### Hauptsemesteret:

Kvar student skal ta del i minst to framføringar der ein set saman program ut frå arbeid innan hovudområda Musisere og Danse.

Ei prøve i musikkteori blir halden mot slutten av haustsemesteret og vert vurdert etter skalaen godkjent/ikkje godkjent.

### Vårsemesteret:

For å kunne framstille seg til eksamen må studenten ha godkjent frammøte, ha utført obligatoriske oppgåver, fått godkjent på prøver i musikkteori og spel, kordeltaking og evt. prosjektarbeid. Eigenvurdering og vurdering av medstudentar sine arbeid inngår som del av vurderinga.

### Eksamen

Endeleg karakter i Musikk 1 byggjer på fire komponentar:

Vurdering av arbeid - mappevurdering (to mapper):

1.Eitt individuelt obligatorisk arbeid i målområdet Reflektere og integrere. Vekting: 1/5

2.Eitt individuelt obligatorisk arbeid i målområdet Lytte (mus.orientering). Vekting: 1/5

Skriftleg eksamen:

3. Eit individuelt obligatorisk arbeid i målområdet Komponere levert innan april. Vekting: 1/5

Praktisk / munnleg eksamen:

4. Dette er ei prøve med vekt på målområda Musisere og Danse. Prøva kan organiserast som gruppeprøve. Vekting: 2/5

Det vert gitt bokstavkarakter etter skalaen A-F, der A - E blir nytta for stått og F for ikkje stått.

## **PENSUMLITTERATUR OG KUNNSKAPKJELDER**

Knut Djupdal: "Musikkteori"

Refvik/Paulsen: "Alle tiders musikk"

Tom Gravlje: "Sang for alle"

Reidun Åslid Bjørlykke: "Musikk på tvers"

Repertoaret for koret

Evt. kompendium utgjevne av faglærarar

Programvare for notasjon/sekvensering

Programvare for øving i notelesing m.m.

Tillegg:

CD-samling med aktuelt lyttestoff

- NAXOS, KLASSISKE FAVORITTER, VOL 1 (3 CD)

Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen

Aktuelle musikkverk for grunnskulen

NB: Litteraturlista vil bli oppdatert ved semesterstart for å få med eventuelle nye titlar.

## **KUNST OG HANDVERK 1, 15 STUDIEPOENG**

Fagplanen bygger på Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning

Kunst og handverk er eit estetisk fag, og har sin hovudtyngde knytt til praktisk skapande arbeid med form og farge i ulike materialar. Faget tek opp i seg praktiske handverkstradisjonar og særleine kunstnariske arbeids- og erkjenningmåtar der både sansing, intuisjon og refleksjon inngår.

Dei sentrale målområda for studiet er:

- fagdidaktikk
- bilde
- skulptur
- bruksform

Studieeininga omfattar breidda i faget og vil fokusere faget i tema- og prosjektarbeid, og i fleirfagleg samanheng. Kunst, formkultur og arkitektur inngår i dei fire målområda.

### Fellesmål

Gjennom arbeid med målområda skal studentane:

- Tileigne seg fagleg- og fagdidaktisk kompetanse
- Kunne lyfte fram den estetiske dimensjonen i skulen
- Utvikle evna til kreativ tenking og handling
- Utvikle visuell og kulturell kompetanse

Viser elles til meir detaljerte målformuleringar i rammeplanen.

## **MÅLOMRÅDE / INNHALD**

### Fagdidaktikk

Fagdidaktikken tek opp i seg samanhengen mellom fagleg og didaktisk kunnskap, og refleksjon over praksis. Med bakgrunn i rammeplanen skal studentane tileigne seg kunnskap om:

- Estetikk, kreativitet og skapande prosessar
- Barn si to- og tredimensjonale formspråkutvikling
- L-97 - innhald, arbeidsmåtar og vurdering
- Undervisningsplanlegging, tilpassa opplæring i skuleverket og vurdering
- Bruk av IKT-baserte læringsformer
- Kunst - og formkultur, ulike uttrykks- og formidlingsformer og enkelt analysearbeid.

### Bilete

Målområdet omfattar kunnskap *om*, og erfaring *med* skapande bildeprosessar i ulike materialar og uttrykksformer, og tek opp i seg arbeid med form, farge og komposisjon gjennom estetiske element og funksjonar. Studentane skal beherske enkle former for digital bildehandsaming, og erfare korleis eige skapande arbeid kan knytast opp mot oppleving og studium av ulike kunstuttrykk.

Studentane skal arbeide skapande innafor følgjande materiale og teknikkar:

- Teikning
- Måling
- Grafikk
- Foto
- Digitale bilete

### Bruksform/skulptur

Målområdet omfattar studie av bumiljø og bruksformer frå ulike tider og stader, studie av skulptur, relieff eller installasjon som kunstuttrykk, samt studie av faktorar som verkar inn på form og funksjon. Formgiving av eigne bruksformer og erfaring med ein enkel designprosess står sentralt. Eige skapande arbeid blir òg knytt opp til born sin leik der ein mellom anna ser på skulpturarbeid som uttrykksform.

Studentane skal praktisk arbeide med:

- Tekstil
- Tre
- Leire

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Studiet er lagt til første studieår i regional deltid allmennlærerutdanning. Studiet er i hovudsak konsentrert kring praktisk arbeid med bilete, skulptur og bruksform i dei ulike verkstadane. Fagdidaktikken er ein integrert del av faget.

Studiet legg opp til studentaktive arbeids- og undervisningsformer og det vert forventa at studentane tek ansvar for eiga læring, både i organisert opplæring og i sjølvstudium. Det vil bli lagt vekt på problembaserte og prosessorienterte oppgåver der tilnærminga vil vere leikprega eksperimentering og utforsking av materiale og teknikkar.

Verkstadane vil difor være tilgjengelege utanom undervisningstid i dei periodane studentane er i Volda. Ein føreset at ordens- og vedlikehaldsarbeid av reiskap og verkstad vert praktisert. Det er obligatorisk frammøte til all undervisning på verkstadane. Studentar som er borte frå undervisninga har sjølv ansvar for å orientere seg om kva som har vore arbeidd med.

I studiet vil ein i hovudsak få enkel grunnopplæring innafor emna tre, leire, teikning/maling og tekstil.

Relativt mykje av undervisninga i Kunst og handverk vert lagt til Volda pga. verkstadsituasjonen. Oppfølging av oppgåver og rettleiing på dei regionale samlingane.

### Tverrfagleg arbeid og prosjekt

Kurset skal spesielt kvalifisere for å bruke faget i tema- og prosjektarbeid og i tverrfagleg samanheng. Delar av studiet vil bli organisert i faglege og/eller tverrfaglege tema.

### Bruk av IKT

IKT er ein integrert del av studiet, både som sjølvstendig skapande medium innafor biletområdet og som dokumentasjon og understøtting i læringsprosessane generelt. Vi bruker Classfronter som kommunikasjonsverktøy og Adobe photoshop i biletundervisninga.

### Praksis

Sjå generell del

### Materialpengar

Av praktiske grunnar blir det kjøpt inn ein del felles materiale. For dette må studentane betale kr. 450.- til saman for begge semestra ( 200 + 250). Dette vil dekke utgifter til utprøving og mindre oppgåveløysingar. Utanom dette må studentane halde seg materiell sjølve.

### Studieevaluering

Det vil bli danna eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantane saman med fagansvarleg lærar kontinuerleg evaluerar kurset. Gruppa skal ha jamlege møte og der læringsmiljø, gjennomføring, vektlegging og faginnhald blir vurdert.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Gjennom studiet skal det vere både ei formell og ei uformell vurdering. Den uformelle vurderinga er ein viktig del av studentane sin læreprosess og den vert integrert i undervisninga i dei ulike fagområda. Studentane skal òg utvikle evne til å vurdere og reflektere over eige arbeid og arbeidsprosess. Framlegging av arbeid vil saman med dokumentert prosess danne grunnlag for samtale og drøfting om eige og andre sitt arbeid. I denne samtalen vil bruk av fagterminologi og verbalisering knytt til refleksjon vere sentral, og medlæring vil vere eit pedagogisk verkemiddel.

### Eksamen

Den endelege karakteren i faget vert fastsett på grunnlag av ein mappeeksamen og er ei vurdering av utvalde arbeid og arbeidsprosessar frå dei ulike materialområda i studiet.

### Vilkår for gjennomført studium:

- Godkjent frammøte etter gjeldande reglar.
- Alle oppgåver skal vera utførte i studiet og innleverte til avtalt tid.

## **LITTERATUR**

Gunnar Danbolt "Blikk for bilder" Abstrakt Forlag A/S 2002

ISBN 82-7935-046-2 Heile boka ( 76 s.)

Teigen/ Thorsnes "En visuell innføring" Abstrakt forlag: 1998

ISBN 827935-002-0 Heile boka (191s)

A. Haabesland/R.E. Vavik "Kunst og håndverk -hva og hvorfor" Stord lærerhøgskole:1989

ISBN 82-90-909-004 226 (s. 65-207)

KUF L97, Generell del, og Fagplan for Kunst og handverk, 1997

(s. 190 - 203)

Kjersti Timenes "Teknikker og oppgaver" Høyskoleforlaget 1997

ISBN 82-7634-074-1 Heile boka(112 s)

Britt Ring Amundsen "Teikning, form og farge" Aschehoug 1991 (s. 8 - 86)

Vasset, Th. "Treverktoy" og "Norske treslag"

Kvisli, Olav "Forming i leire"

NB! Vi tek atterhald om endringar i pensumlista.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [Avdeling for lærarutdanning](#)
- [Studiekvalitet](#)
- [Å vere skikka som lærar-rutinar ved vurdering](#)
- [Studierettleiing/innpassing](#)
- **[FØRSKULELÆRARUTDANNING - 3-ÅRIG BACHELORSTUDIUM](#)**
  - [Generell del](#)
    - [KOMPETANSE](#)
    - [MÅL](#)
    - [OPPBYGGING AV STUDIET](#)
    - [INNHALD, ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [Temaorganisering / blokklegging](#)
    - [Gjennomgåande tema](#)
    - [Organisering av undervisning](#)
    - [Praksis](#)
    - [Studietur / ekskursjonar](#)
    - [Rettleiing, dokumentasjon og vurdering](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [Vilkår for å framstille seg til eksamen](#)
    - [AVSLUTTANDE VURDERING / EKSAMEN](#)
  - [PEDAGOGISK TEORI OG PRAKSIS, 45 studiepoeng \(FL110\)](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUMLISTE](#)
  - [DRAMA, 10 studiepoeng \(FL107\)](#)
    - [INNLEIING](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING](#)
    - [PENSUM](#)
  - [FORMING, 10 studiepoeng \(FL101\)](#)
    - [MÅL](#)
    - [MÅLOMRÅDE / INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING](#)
    - [PENSUM](#)
  - [FYSISK FOSTRING, 12 studiepoeng \(FL102\)](#)
    - [INNLEIING](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING](#)
    - [PENSUM](#)

- [matematikk - 6 studiepoeng \(FL108\)](#)
    - [MÅL](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
    - [INNHALD](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUM](#)
  - [musikk, 10 studiepoeng \(FL103\)](#)
    - [INNLEIING](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUM](#)
  - [NATUREFAG M/MILJØLÆRE, 15 STUDIEPOENG \(FL105\)](#)
    - [MÅL](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
    - [INNHALD](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUM](#)
  - [norsk, 15 studiepoeng \(fl106\)](#)
    - [INNLEIING](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUM](#)
  - [RELIGION OG ETIKK, 12 STUDIEPOENG \(fl104\)](#)
    - [MÅL](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER \(3. klasse\)](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER \(1. klasse\)](#)
    - [INNHALD](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN \(3. klasse\)](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN \(1. klasse\)](#)
    - [PENSUM](#)
- 

## **Avdeling for lærarutdanning**

Dekanus: Anne Øie

Tlf.: 70 07 53 10

Kontorsjef: Bjørn Krøvel

Tlf.: 70 07 53 11

Lokale: Kaarstadhuset m.m.

## **Studiekvalitet**

I alle fagplanar i lærarutdanninga vert studieevaluering og studiekvalitets-arbeid gjennomført i samsvar med retningslinjer ved høgskulen. I kvar fageining skal faglærer i samarbeid med studentane drøfte saker knytte til desse tre områda:

- a. Prioriteringar innanfor dei ulike delane i fagplanen: mål, innhald, praksis, arbeidsmåtar, obligatoriske studiedelar, organisering, vurdering, litteratur etc.
- b. Val av undervisningsformer; forelesingar, gruppearbeid, prosjektoppgåver, seminar, semesteroppgåver, rettleiingstimar, elevframleggingar etc. - inkl. vurdering av tilhøvet mellom undervisning og sjølvstudium.
- c. Form, mengd og frekvens av studieevaluering/studiekvalitets-arbeid.

Faglærer ved kvar studieeining skal i samarbeid med studentane opprette ei gruppe for studiekvalitet (faglærer og 2-3 studentar). Grappa skal møtast gjennom heile studieperioden, drive evaluering av faget parallelt med undervisninga og vere fagleg bindeledd mellom lærar og



studentar. Saker som vedkjem eit heilt klassesteg, skal handsamast i eit felles organ for parallelklassane (1-2 lærarar og ein studentrepresentant frå kvar klasse).

### **Å vere skikka som lærar-rutinar ved vurdering**

Forskrift om skikkavurdering i lærarutdanningane, sjå bak i studiehandboka.

#### **Generelle rutinar ved spørsmål om å vere skikka som lærar.**

1. Faglærer/øvingslærer tek opp eventuelle manglar når det gjeld punkta ovanfor direkte med studenten. Faglærer/øvingslærer prøver å vere så konkret som mogeleg.
2. Faglærer/øvingslærer rapporterer munnleg og skriftleg eventuelle manglar til institusjonsansvarleg.
3. Institusjonsansvarleg kallar studenten inn til samtale og rettleiing. Det som kjem fram, blir skrive ned.
4. Eventuelt møte i vurderingskommisjon.

For m.a. å gje studentane råd og rettleiing i spørsmålet ovanfor og i spørsmål som gjeld utdanningsveg, fagval og eventuelle vanskar i samband med studiet, er det oppretta stillingar som studieleiarar.

### **Studierettleiing/innpassing**

Studieleiarane og administrasjonen i avdelinga kan gi studentane rettleiing om oppbygging og innhald i utdanningane, fagval m.m. Dei gir også hjelp ved innpassing og fritak av utdanning. Retningslinene for dette er gitt i rammeplanane for utdanningane. Søknad om godkjenninga av fag i lærarutdanningane skal leverast på eige skjema til studieadministrasjonen.

## **FØRSKULELÆRARUTDANNING - 3-ÅRIG BACHELORSTUDIUM**

### **GENERELL DEL**

Fagplanane for førskulelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda er utarbeidd i samsvar med dei mål, rammer og retningsliner som er gitt i Rammeplan for førskulelærerutdanning av 10.01.95.

### **KOMPETANSE**

Førskulelærerutdanninga kvalifiserer for pedagogisk arbeid med barn i barnehage, for arbeid i 1.klasse i grunnskulen og med barn på tilsvarende utviklingstrinn i andre institusjonar. Førskulelærerutdanninga kvalifiserer også for arbeid i skulefritidsordninga. Frå hausten 2002 vil fullført 3 -årig førskulelærerutdanning gi graden bachelor. 2 års vidare studium kan gi grunnlag for opptak til ei mastergradsutdanning.

Sentralt for førskulelæraren sine yrkesoppgåver er å hjelpe barn til å byggje opp sin eigen identitet. Dette skjer i møte med kulturelle og samfunnsmessige verdiar som skal danne grunnlag for vidare vekst og læring i skule og samfunn. Ei stor utfordring i førskulelærerutdanninga vert difor å gje fagkunnskapen ei sosial legitimering som kan gi faga meining i pedagogisk arbeid med barn.

Arbeidet i barnehage og skule er regulert gjennom lover og forskrifter (Rammeplan for barnehagen, Læreplanverket for grunnskulen). Eit viktig siktemål i førskulelærerutdanninga vert å tolke og grunngi dette grunnlaget. Men pedagogisk arbeid har og eit framtidretta siktemål. Oppgåva er å gi studentane kompetanse i pedagogisk utviklingsarbeid som fører til fornying og utvikling i barnehage og skule. Eit overordna mål for førskulelærerutdanninga vert difor å gje studentane kompetanse som har feste i eit filosofisk grunnsyn, der menneskesyn, samfunnssyn og syn på kva som er viktige livsverdiar er inkludert. Ein slik førskulelærer-kompetanse gjev grunnlag for å utvikle ei profesjonell yrkesrolle.

### **MÅL**

Studentane skal gjennom studiet utvikle kompetanse i å:

- Forklare og forstå barnehage og skule ut i frå kultur og samfunnsvilkår
- Kunne vurdere pedagogisk arbeid etisk og verdimesig
- Kunne ta i bruk fagbreidda i førskulelærerutdanninga
- Kunne ta i bruk didaktisk kompetanse i planlegging, gjennomføring og vurdering av pedagogisk arbeid med barn
- Kunne arbeide med organisatoriske, kulturelle og pedagogiske spørsmål som er viktige for å få til eit

samarbeid mellom foreldre, barnehage og grunnskule

- Kunne arbeide målretta og kritisk med pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen,
- saman med aktuelle samarbeidspartar
- Få innsikt i eiga sjølvforståing og evne til samarbeid

## OPPBYGGING AV STUDIET

Førskulelærerutdanninga er eit treårig heiltidsstudium som omfattar følgjande emne:

- Pedagogisk teori og praksis ( 45 studiepoeng )
- Fagleg-pedagogiske studie i fag og fagområde ( 105 studiepoeng )
- Fordjupingseining ( 30studiepoeng)

Omfanget av studieeiningane er knytte til studiepoeng. 30 studiepoeng vert definert som omfanget av det arbeidet som svarar til fulltids-studium i eitt semester. Det er ein føresetnad at studentane nyttar tida som kjem utanom timeplanlagd undervisning til individuelt studium, gruppearbeid, prosjektarbeid, seminarverksemd m.v.

Studiemodellen for førskulelærerutdanninga kan variere noko frå kull til kull. Gjer merksam på at modellen i fig. 1 gjeld kulla 2001 - 2004 og 2002 - 2005. Figur 2 gjeld dei som går 3. årssteget studieåret 2002 - 2003. 01/2002.

**Fig.1 Studiemodell for 3 - årig Førskulelærerutdanning ved Høgskulen i Volda.**

1. år	Pedagogikk 15 poeng	Forming 10 poeng	Fysisk fostring 12 poeng	Musikk 10 poeng	Rel./ etikk 12 poeng	Praksis 7 veker
2.år	Pedagogikk 15 poeng.	Naturfag m/ miljølære 15 poeng	Norsk 15 poeng	Drama 10 poeng	Matematikk 4 poeng.	Praksis 9 veker i bhg. + 2 veker i grunnskule
3 år	Pedagogikk 15 poeng	Fordjuping 30 poeng			Samfunnsfag 15 poeng	4 v. Feltarbeid + 2 veker fagpraksis

Fig-. 2

## Studiemodell for 3-årig Førskulelærerutdanning ved Høgskulen i Volda. 2000 - 2003

<b>1. år</b>	Pedagogikk 12 poeng	Samfunnsfag 15 poeng	Forming 10 poeng	Fysisk Fostring 12 poeng	Musikk 10 poeng	Praksis 6 veker i bhg
<b>2. år</b>	Pedagogikk 15 poeng	Naturfag m/ miljølære 15 poeng	Norsk 15 poeng	Drama 10 poeng	Matematikk 6 poeng	Praksis 6 veker i bhg + 2 veker i grunnskule
<b>3. år</b>	Pedagogikk 18 poeng	Fordjupingseining 30 studiepoeng			Religion/Etikk 12 poeng	4 veker i bhg. + 2 veker fagpraksis

Modellen i fig.2 gjeld studentane som går 3. årssteget studieåret 2002-2003

Faget pedagogisk teori og praksis ligg over alle 3 åra medan dei fagleg-pedagogiske studia er plasserte på ulike årssteg, med avsluttande vurdering i faget kvart studieår. Ei fordjupingseining med omfang på 30 studiepoeng er plassert i det tredje studieåret. 3. Studieåret kan bli organisert slik at pedagogikk og samfunnsfag vert lagt til 5. semseter med avsluttande vurdering ved semesterslutt og fordjupingsfaga lagt til 6. semester med avsluttande vurdering.

Høgskulen sitt tilbodet i fordjupingseiningar kan variere frå år til år. For studieåret 2002-2003 vert det gitt tilbod om følgjande fordjupingseiningar : Organisasjon og leining, Utefag og Estetisk fag.

## INNHALD, ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Fagplanane for pedagogisk teori og praksis og dei fagleg-pedagogiske studia fastset mål, innhald og organisering som gjeld for det einskilde faget. Innhaldet er delt inn i hovud- og delemne og er henta frå "Rammeplan for førskulelærerutdanning" som kan gi supplerande informasjon. Fagplanane er eit dokument som er retnings gjevande for førskulelærerutdanninga og stiller krav til kvaliteten i studiet. Å sikre kvalitet i studiet er difor ei utfordring både for studentar og høgskulen.

Rammeplan for førskulelærerutdanning føreset at studiet vert organisert slik at studentane får solide fagkunnskapar i det einskilde fag og på tvers av fag. Den store breidda i fag er noko av styrken i førskulelærerutdanninga og har sin basis i samfunnsvitenskap, humaniora, kunst og naturvitenskap. Både dei fagleg-pedagogiske studia og pedagogisk teori og praksis skal omfatte og problematisere pedagogiske grunnlags problem, likeverdig og tilpassa opplæring. Alle fag skal vere med på å binde saman dei ulike delene i studiet. Pedagogisk teori og praksis har her eit særleg ansvar.

### Temaorganisering / blokklegging

Førskulelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda organiserer innhaldet i utdanninga i tema, årsdelte tema, faglege og tverrfaglege som det skal arbeidast med innanfor fastlagde temaperiodar på dei ulike årsstega. Det kan vere fleirfaglege tema der alle faga på årssteget arbeider med same tema, eller tverrfaglege tema, der med 2- 3 fag er involverte. Dei tverrfaglege tema kan vere ramme for både temaarbeid og prosjektarbeid. Det varierer mellom individuell - og gruppeorganisering. Gjennom tverrfaglege prosjektarbeid skal studentane belyse eit tema ved å ta i bruk fleire fag samtidig og heilskapleg. Temaperiodane / blokkene varierer i lengd, frå 1 til 5-6 veker.

### Gjennomgåande tema

Førskulelærerutdanninga opererer med gjennomgåande tema. Dette er hovudtema som skal dekkje sentrale område innanfor førskulelæraren sin yrkeskompetanse.

1. Utvikle refleksjon over planlegging, gjennomføring og leiing.
2. Arbeide for ulike typar samspel i den pedagogiske verksemda
3. Forstå dei vilkår som barn veks opp under (kultur, samfunn og oppvekst)
4. Kjenne til ulike perspektiv på barnehage og skule (kultur, verdier og mangfald)
5. Ta i bruk ulike verkty i yrket (teknikkar, hjelpemiddel)
6. Kompetanse innanfor området tilpassa og likeverdig opplæring og oppvekstmiljø overfor barn med særlege behov.

### Organisering av undervisning

Studentaktive læringsformer, oppfølging og rettleiing føreset utprøving av nye organiseringsformer. Ut frå tanken om at læring skjer best i sosialt samspel, blir mykje av undervisninga lagd til **basisgrupper**, der 4 - 5 studentar samarbeider om løysing av oppgåver. Kvar basisgruppe får ein rettleiar / faglærer. I **seminargruppene** med 15 - 20 studentar er det framlegging av basisgruppearbeidet og elles aktivitetar av meir praktisk art. Organisering i **storgupper** ( heile kullet ) vert brukt når fagstoff skal formidlast i førelesingar. Det blir lagt vekt på at lærar har skal ha ein rettleiande funksjon. Den einskilde student har ansvar for eiga læring og saman med medstudentar og lærarar ver med på å skape eit læringsmiljø som gjev grunnlag for fagleg vekst og trivsel.

### Praksis

Førskulelærerutdanninga har studenten si læring og profesjonsretting som ei viktig målsetjing, der studenten møter to ulike, men likeverdige læringsfelt som gir den fag - og handlingskompetansen som trengs i utøving av yrket du utdannar deg for. Faste praksisperiodar ligg til kvart studieår, Det vert prøvd på ulike måtar å organisere desse fleksibelt, slik at studenten på best mogeleg måte kan bruke praksisen inn i fagstudiet sitt gjennom meir praksisnære arbeids former. Eit verkemiddel for å nå praksisplassen er bruk av IKT i studiet. Det er ikkje krav om førekunnskapar innan data.

### Studietur / ekskursjonar

Nokre fag, som fysisk fostring og naturfag må på grunn av faga sin eigenart legge noko undervisning og ein del ekskursjonar til ulike miljø utanfor høgskulen. Studentane må difor rekne med kostnader til slike ekskursjonar. Andre studieåret kan studentane gjennomføre ein studietur på inntil ei veke. Klassen må starte planlegging og avklaring omkring studietur i løpet av 1. studieår, og leggje fram plan/søknad i samsvar med høgskulen/avdelinga sitt ekskursjonsreglement

### Rettleiing, dokumentasjon og vurdering

Ved semesterstart blir det delt ut ein plan for undervisninga. I denne semesterplanen vert det presisert kva som er obligatoriske arbeidskrav både når det gjeld litteratur, frammøte, ekskursjonar, oppgåver, dokumentasjons-former og vurderingsformer. Kvar temaperiode vil ha eit fagleg eller tverrfagleg arbeid som skal dokumenterast, innleverast og framleggjast til avtalt tid. Oppgåvene kan ha ulik status, som førekrav for å gå opp til eksamen, eller som prøver som går inn som del av eksamen. Faga nyttar ulike dokumentasjonsformer og mapper vert nytta i nokre fag. Der to eller fleire fag er inne må studenten stå på alle delar for å få arbeidet godkjendt.

## VURDERING OG EKSAMEN

Lov om universitet og høgskolar av 12. mai 1995 nr. 22 med endringer i Lov av 28.06.2002 set rammer for vurdering og eksamensformer ved høgskulen. Viser til denne love og dei interne føreskriftene for eksamen ved HVO i den generelle delen som gjeld alle studentar ved HVO.

Vurdering av om ein førskulelærarstudent er skikka for yrket vert gjennomført i samsvar med "Forskrift om skikkethetsvurdering i lærerutdanningene". Viser til denne i den generelle delen som gjeld alle studentar ved HVO. Studentane får vurdering / karakter på skriftlege arbeid / oppgåver som er utførte. Studentane er pliktige til å ta vare på sine egne arbeid så lenge dei er studentar ved Høgskulen i Volda.

### Vilkår for å framstille seg til eksamen

For å kunne framstille seg til eksamen må studenten ha gjennomført og fått godkjent alle førekrav / forprøver. Slike kan vere:

- obligatoriske arbeidskrav
- obligatorisk frammøte og deltaking

Slike krav er gjort greie for i den einskilde fagplan. Fagplanen gjer òg greie for kva delar av studiet som er obligatoriske. ( jfr. elles eige frammøtereglement ).

Det er berre to forsøk på obligatoriske førekrav og interne prøver. Nytt forsøk skal til vanleg gjennomførast i same studieåret og helst så nær 1. forsøk som mogeleg. Dersom studenten ikkje klarar 2. forsøket, må studenten ta faget / arbeidet oppatt, men kan halda fram i andre fag dersom desse ikkje er knytt opp med obligatoriske krav mot "strykoppgåva". . Studenten kan søke om innpass av godkjende krav. Dersom studenten på nytt ikkje klarar krava med to nye forsøk, har vedkomande ikkje fleire forsøk i faga som går inn i "strykoppgåva" ved førskulelærarutdanninga i Volda. Nokre førekrav er knytt til årstider og må utsetje nytt forsøk inntil eit år. I slike høve vert ikkje vitnemål utdelt før kravet er innfridd Det er automatisk oppmelding til ny prøve og studentar som ikkje møter, vil dette telje eit forsøk, dersom ikkje gyldig grunn ( lækjarattest) ligg føre.

## AVSLUTTANDE VURDERING / EKSAMEN

### *Fagleg - pedagogisk studium*

Det vert gitt ein karakter på vitnemålet for kvart av dei fagleg - pedagogiske studia. Fagplanane for det einskilde faget gjev nærare opplysningar om grunnlaget for karakteren. **Ved stryk i eit fag er studenten sjølv ansvarleg for å melde seg opp til ny eksamen innan gjeldande fristar.**

### *Pedagogisk teori og praksis*

Det vert gitt ein samla karakter på vitnemålet for pedagogisk teori og praksis. Fagplanen for pedagogisk teori og praksis gir informasjon om karaktergrunnlaget.

### *Fordjupingseining*

Det vert gjeve ein karakter på vitnemålet for fordjupingseiningane.

## PEDAGOGISK TEORI OG PRAKSIS, 45 STUDIEPOENG (FL110)

Studiet i pedagogisk teori og praksis tek utgangspunkt i den nære samanhengen mellom pedagogisk teori og praksis. Studiet skal synleggjere denne samanhengen på ein slik måte at teori og praksis skal kunne stå fram som ein meningsfull heilskap innanfor pedagogikkfaget.

Studiet vil føre menneske med ulik bakgrunn, ulike røynsler og ulike forståingsrammer saman til læring og drøfting. Pedagogikken som teoretisk fag skal føre til at verdiar og forståingsrammer vert sette opp mot kvarandre og føre til læring og personleg vekst hos studentane. Saman med praksisopplæringa skal studiet føre til at studentane vert betre

i stand til å arbeide med og for barn i samfunnet. Studiet i pedagogisk teori og praksis skal hjelpe studentane å utvikle evne til å analysere, til å stille seg observerande og spørjande til arbeidet som førskulelærarar. Handling og refleksjon over handlinga, er sentrale element i studiet og er med på å knyte saman teori og praksis. Studiet i pedagogisk teori og praksis skal saman med dei fagleg-pedagogiske studia førebu studentane for førskulelæreryrket. Det er eit felles ansvar for lærarar og studentar å utvikle eit aktivt og inspirerande studiemiljø. Løpande informasjon om studiet vil bli gitt til studentane via Class-fronter. Og det er ein føresetnad at studenten sjølv aktivt tek del i studiet og tek ansvar for eiga læring. Aktiv deltaking vil føre til betre studiemiljø for alle, og er slik ein føresetnad for god studiekvalitet.

Innhaldet i faget pedagogisk teori omfattar 5 hovudtema. Desse skal til saman dekkje dei sentrale sidene ved førskulelæraren sin yrkeskompetanse:

- vilkår for barns oppvekst i kultur og samfunn (Pedagogisk sosiologisk kunnskap)
- perspektiv på mangfald i kultur og verdier (Pedagogisk filosofisk og utdanningshistorisk kunnskap)
- refleksjonar over planlegging, gjennomføring og leing av pedagogisk arbeid (Didaktisk kunnskap)
- samspel mellom individ og gruppe (Pedagogisk psykologisk og sosialpsykologisk kunnskap)
- verkty, teknikkar og hjelpemiddel i yrket ( Praktisk metodisk kunnskap )

Kultur- og samfunnsorientert didaktisk refleksjon er eit gjennomgåande tema alle dei tre studieåra. Det gjeld også det grunnleggjande sosialiseringsspektivet på arbeidet i barnehagen. Vidare er det ein føresetnad at tilpassa opplæring og spesialpedagogiske tema skal integrerast i alle hovudtema..

## MÅL

Det overordna målet for pedagogisk teori og praksis er at studentane utviklar seg til dugande og kunnige førskulelærarar med basis i dei kunnskapsfeltene pedagogikkfaget omfattar. I studiet skal studentane utvikle kunnskapar, ferdigheiter og haldningar. Studentane skal gjennom studiet i pedagogisk teori og praksis:

- utvikle respekt og toleranse for barns identitet, og evne til å tilretteleggje tilpassa opplæring, oppsøgings- og omsorgsmiljø for alle barn
- utvikle ein inkluderande barnehage som verdset kulturelt mangfald, og barn med særskilde behov
- utvikle evne til samarbeid med foreldre
- bli i stand til å rettleie medarbeidarar i det pedagogiske arbeidet og kunne samarbeide med andre institusjonar i samarbeid med pedagogisk-psykologisk teneste eller andre hjelpeinstansar kunne vere med på å utarbeide individuelle opplæringsplanar for barn som har behov for spesialpedagogiske tiltak
- få innsikt i skulens oppgåver

## INNHALD

Innhaldet i pedagogisk teori og praksis vil dekkje dei 5 hovudtema som er nemnde i Rammeplanen (jf hovudtema på føregåande side). Innhaldet i pedagogisk teori og praksis er vidare presisert gjennom tema som er ordna i ulike kategoriar. Dette innhaldet er presisert i oversynstabellen nedanfor. Nokre tema vil vi arbeide med alle tre studieåra. Dette er gjennomgåande tema. Det er tanken at studiet av desse tema skal organiserast etter spiralprinsippet slik at ein kvart studieår får utvikla og utdypa kunnskap om dei. Den andre gruppa av tema er dei årdsdelte. Desse får mindre omfang i tid, og kan også gjerast til gjenstand for sjølvstudium. Plasseringa av tema i dei ulike åra har samanheng med kva fag frå dei fagleg-pedagogiske studia studentane arbeider med.

Særleg dei gjennomgåande, men også dei årdsdelte tema er formulerte som dei er, fordi det er naudsynt å opne for samordning av innhaldet i lærarutdanningane. Dette er den *utoverretta integrasjonen* av pedagogikkfaget i førskulelærarutdanninga og pedagogikkfaget i allmennlærarutdanninga. Men vi kan også tale om ein *innoverretta integrasjon* mellom pedagogikkfaget og dei fagleg-pedagogiske studia. Dette skjer gjennom dei prosjektorienterte arbeida i studiet. Det er den tredje innhaldskomponenten i studiet av pedagogisk teori og praksis.

Den tredje kategorien av tema er såleis slike som kan leggest til grunn for dei *prosjektorienterte* arbeida. Det skal vere prosjektorienterte arbeid i alle tre studieåra. Prosjektarbeida skal følgje ein progresjon i integrasjonen mellom fag over dei tre studieåra frå parallellarbeid i enkeltfag på felles tema det første studieåret til tverrfagleg prosjektarbeid ut frå felles problemstilling det tredje studieåret. I undervisningsplanen for kvart kull vert denne progresjonen i prosjektarbeidet klargjord for kvart studieår i pedagogisk teori når det gjeld krav til innhald, kunnskap og dugleik i prosjektleiing og kommunikasjon/rapportering.

*Oversyn over innhaldet i pedagogisk teori og praksis:*

	1. studieår	2.studieår	3.studieår
Fleirfaglege og tverrfaglege tema/prosjekt	Sosialisering og oppvekst	Barnehagen som kulturverkstad	Barn og institusjonalisering Feltarbeid
Årskdelte tema	-innføring i sosiologisk teori -innføring i psykologisk utviklingsteori -innføring i didaktikk -observasjon og kartlegging -leik	-leik med fokus på leikemiljø og sjølvoppfatning -leing -didaktikk og læreplanarbeid -samarbeid heim-barnehage -språk og kommunikasjon  -barnehage- og skulehistorie	-tilpassa opplæring -omsorgsvikt og barnevern -barn og institusjonalisering -sosialiseringprosessen og kulturoverføring -årsplanarbeid -barn frå ulike kulturar
Gjennomgåande tema	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sosialisering, oppvekst og samfunn</li> <li>2. Didaktikk</li> <li>3. Leik og læring</li> <li>4. Pedagogiske grunnlagsspørsmål</li> <li>5. Tilpassa opplæring</li> </ol>		

Pedagogisk praksis, sjå omtale av pedagogisk praksis i den generelle omtalen av førskulelærerutdanninga.

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Studiet i pedagogisk teori og praksis femner om ulike tema som er sette inn i ein samfunns- og kultursamanheng. Dette gjer det også naudsynt å bruke ulike arbeidsformer. Arbeidet som førskulelærer er variert og utfordrande. Studenten må difor møte arbeidsformer i studiet som fører til læring og utvikling på mange område. Studiet skal difor ha innslag av både lærarstyrte og studentstyrte aktivitetar, t.d. førelesingar i større og mindre grupper, gruppearbeid, seminarverksemd, studentleia kollokviegrupper og prosjektorientert arbeid. Det er eit vesentleg omsyn gjennom heile utdanninga at studentane får tid til å *studere* pedagogikkfaget. Forventningane om studentinitiativ og sjølvstende i studiearbeidet aukar frå år til år gjennom studiet.

Innhaldet i alle faga vil verte temaorganisert slik at fagstoff som passar frå dei ulike faga vert samla i tema. Slike tema vert lagde i blokker der 2-3 eller fleire fag er med. Slik kan ein oppnå større konsentrasjon i faga og høve til fordjuping. På denne måten vil ein også kunne sjå dei ulike faga i samheng. Kvar temaperiode inneheld arbeidsoppgåver knytte til fagstoff og praksisfeltet, og skal innleverast og presenterast til fastsett tid.

IKT vert eit sentralt verkty i dette arbeidet.

Undervisninga vert organisert som førelesing av pensum i storgrupper, og seminargrupper med 15-20 studentar der arbeidsforma vert hovudsakleg praktisk. I tillegg vil ein nytte basisgrupper som er samansette av 4-5 studentar. Arbeidet i basisgruppene legg opp til studentaktive arbeidsformer med ein rettleiar for kvar gruppe. Prosjektorienterte arbeid er sentrale i pedagogikkfaget og for førskulelærerutdanninga sett under eitt. I barnehagen er ein gjerne oppteken av utviklingsarbeid. I denne samanhengen er prosjektarbeidsforma nærliggjande å bruke. Studentane må difor få god teoretisk innføring og praktisk røynsle i prosjektorientert arbeid. Desse arbeida kan gjerast i faget pedagogisk teori åleine, men vil i dei fleste tilfella vere fleirfaglege eller tverrfaglege. Fleirfagleg betyr at kravet om integrasjon er heller svakt. Det kan dreie seg om ulike typar samordning. Tverrfagleg betyr at dei faglege innslaga er integrerte med utgangspunkt i ei klargjord problemstilling som prosjektarbeidet orienterer seg mot. Tverrfaglege prosjektorienterte arbeid er ein krevjande del av førskulelærerutdanninga. Arbeidsmåtene og organiseringa av studiet skal også ta omsyn til den samordninga som skjer mellom barnehage, skule og barns oppvekstmiljø elles. Det kan difor leggjast inn bolkar av felles undervisning mellom allmennlærerutdanninga og førskulelærerutdanninga slik at desse profesjonsgruppene alt i grunnutdanninga får innsikt i kvarandre sitt arbeidsfelt.

Prosjektarbeid i praksis er ei sentral arbeidsform i førskulelærerutdanninga som også pedagogikkfaget skal vere med i. Dette skjer m.a. ved at ein i praksis arbeider med å knyte saman teoretisk forståing og praktiske handlingar. Samanknyttinga vert gjort ved analyse og refleksjon over handlingar og diskusjonar om ulike måtar å forstå og grunngi handlingar på. Slik øver ein opp evne til kritisk forståing og utviklar ei spørjande og analytisk haldning til arbeidet i barnehagane.

Høgskulen vil og ha behov for å få vurdering av studiet frå studentane slik at ein får høve til å utvikle og betre studiet. Det er ein føresetnad at studentane tek del i dette vurderingsarbeidet.

Formelle og innhaldsmessige krav til skriftlege arbeid som til dømes prosjektarbeid og rapportar frå prosjektarbeid, vert utdelte ved starten av studiet.

## VURDERING OG EKSAMEN

### **Arbeidskrav**

Følgjande arbeidskrav skal oppfyllest gjennom heile studiet for å få gå opp til eksamen:

#### *Arbeidskrav første studieår:*

1. Gruppeoppgåve i det fleirfaglege temaet «Oppvekstmiljø».
2. Individuell skriftleg oppgåve.
3. Praksis (7 veker) med frammøte til førebuing/etterarbeid. Innlevering av prosjektrapport.
4. Alle oppgåver som er gitt i kvar temaperiode, skal vere leverte og godkjende.

#### *Arbeidskrav andre studieår:*

1. Praksis (9 veker) og frammøte til praksisførebuing/etterarbeid. Innlevering av prosjektrapport.
2. Grunnskulepraksis (2 veker) med innføringsveke og praksisseminar etter praksis
3. Individuell skriftleg 6-timars oppgåve på skulen.
4. Individuell rettleiing/vurderingssamtale mellom faglærer og student i haust- og vårsemesteret.

#### *Arbeidskrav tredje studieår:*

1. Praksis (4 veker) feltarbeid med feltrapport. Frammøte til førebuing/etterarbeid. Innlevering av feltrapport.
2. Studentseminar. Alle studentane skal gjennomføre eit seminar på ca. 1 time. Seminaret skal gjennomførast i grupper på inntil tre studentar. Temaet skal vere innanfor hovedtema i studiet og vere yrkesrelevant.
3. Innlevering av tverrfagleg mappearbeid
4. Førelesingar/kurs med innleigde førelesarar. Studentane har saman med faglærer medansvar for planlegging, gjennomføring og etterarbeid av desse kursa.

#### *For alle studieåra:*

Det er obligatorisk frammøte og krav til studentaktivitet ved alle seminar og basisgruppetimar. Frammøte og deltaking skal vere i samsvar med frammøtereglementet ved HVO. For meir informasjon, sjå den generelle delen i fagplanen og i praksisplanen.

Kriterier for vurdering av arbeidskrav vert presiserte av faglærer for kvart studieår.

### **Vurdering**

Vurderinga av studentane skal omfatte både prosessvurdering og sluttvurdering. Vurderinga skal ha ulike siktemål. Det vert gjeve kontinuerleg vurdering av studentens arbeid. Studenten skal leggje fram ulike arbeid i løpet av studiet, og få tilbakemelding på desse frå medstudentar og rettleiarar.

#### *Prosessvurdering:*

Denne delen av vurderinga i faget pedagogisk teori og praksis er rettleiing undervegs og omfattar ei rekkje forprøver arbeidskrav som studenten må ha gjennomført med godkjent resultat som vilkår for å få gå opp til eksamen (sjå ovanfor i avsnitt om arbeidskrav).

#### *Sluttvurdering:*

I pedagogisk teori og praksis er det ei sluttvurdering som byggjer på vurdering av praksis og eksamen. Desse skal vurderast etter ein skala frå A-E for stått og F for ikkje stått.

### **Eksamen**

Eksamen i faget pedagogisk teori byggjer på ei tverrfagleg vurdering av faget pedagogisk teori og praksis og samfunnsfag. Eksamen er delt i to komponentar der første del tel 2/3 og andre del tel 1/3 av samla karakter:

1. Tverrfagleg feltrapport med munnleg justering

## 2. Eitt av dei skriftlege arbeida i arbeidsmappa vert trekt ut og vurdert

Studenten vert i eige skriv gjort kjend med eksamens- og vurderingsformer og kva kriterium som skal gjelde for vurdering.

**PENSUMLISTE**

Pensumliste vert delt ut ved starten av kvart studieår. Vi tek atterhald om endringar undervegs i studiet.

*Bøker*

- Askland, L og Sataøen, S.O (2000): *Å høyre til. Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst.* Oslo. Gyldendal. Akademisk. 287 s.
- Berthelsen, J, Illeris, K. & Poulsen, S. C (1987): *Innføring i prosjektarbeid.* Oslo. Fag og Kultur\*. 22 s.
- Bøe, I (1996): *Foreldre og fagfolk: Samarbeid i barnehage og skole.* Oslo. Tano Aschehoug. 217 s.
- Ekeberg, T.R og Holmberg, J.B (2000): *Tilpasset opplæring og spesialpedagogisk arbeid i skolen. En innføring.* Oslo. Tano Aschehoug ( s. 11-17, 24-35,142-172). 47 s.
- Evenshaug, O. & Hallen D. (1991): *Barne- og ungdomspsykologi.* Oslo. Gyldendal Norsk Forlag ( Kap. 1, 2, 3, 5, 6, 8, 11 og 14). 104 s.
- Fuglestad, O. L & Lillejord (red) (1997): *Pedagogisk ledelse- et relasjonelt perspektiv.* Bergen-Sandviken. Fagbokforlaget ( Kap. 2, 3, 4, 5 og 6). 117 s.
- Gotvassli, K-Å (1996): *Barnehager - organisasjon og ledelse.* Oslo. Tano ( Kap 1-9 og 12-14). 238 s.
- Handal, G & Lauvås P (1989): *Veiledning og praktisk yrkest teori.* Oslo. Cappelen. 200 s.
- Haugen, S. (1998): *Omsorg og pedagogikk - kvalitet i barnehagetilbod for små barn* Oslo. Det Norske Samlaget. 178 s.
- Haug, .P (1993): *Foreldre, barn og barnehage. Samarbeid om oppseding.* Oslo. Det Norske Samlaget (Kap 1, 2, og 3). 85 s.
- Imsen, G (1998): *Elevens verden: innføring i pedagogisk psykologi.* Oslo. Tano Aschehoug(Kap 5,7,8,10 del 3,13). 108 s.
- Jerlang E. ( 1987): *Utviklingspsykologiske teorier.* København. Munksgaard ( Kap1 og 8). 76 s.
- Korsvold, T. (1998): *For alle barn! Barnehagens framvekst i velferdsstaten.* Oslo Abstrakt forlag as \*\*). 100 s.
- Lamer, K (1997): *Du og jeg og vi to! Om å fremme barns sosiale kompetanse. Teoriboka.* Oslo. Universitetsforlaget. 175 s.
- Løkken, G. & Søbstad, F.(1995): *Observasjon og intervju i barnehagen* Oslo. Tano. 100 s.
- Siverts B.E. Sveaass N (1988): *Store lille verden.* Oslo. Universitetsforlaget. 240 s.
- Sommer, D ( 1997): *Barndomspsykologi. Utvikling i en forandret verden.* Oslo. Pedagogisk Forum.
- Vedeler, L (1999): *Pedagogisk bruk av lek.* Oslo. Universitetsforlaget. 147 s.
- Aasen, J. & Engen, T.O. (red) (1994) : *Didaktikk og læreplanarbeid i barnehage og skole.* Opplandske Bokforlag. 220 s.
- Aasen, P. & Haugaløkken ( red) (1994): *Bærekraftig pedagogikk.* Oslo. Ad Notam. ( Kap 1, 2, 5, 6, 7og 8).107 s.
- Åm, E (1989): *På jakt etter barneperspektivet.* Oslo. Universitetsforlaget. 113 su
- \*) felles med alle fag i utdanninga
- \*\*) felles med samfunnsfag
- Artiklar:*
1. Andersen, R. (1990): Kjønn og kultur, forskjell og fortolkning. *Sosiologi i dag*, 1990 (1)(s 53-75). 22 s.
  2. Bae, B. (1988) : Voksnes definisjonsmakt og barns selvopplevelse. *Norsk Pedagogiske tidsskrift* nr 4. 15 s.
  3. Dokka, H. J. (1989) Samfunnsforandring og skoleutvikling, I: Jordheim, Knut (red) (1989): *Skolen 1729-1989 Norsk grunnskole 250 år Selskapet for norsk skolehistorie.* Oslo. NKS-Forlaget. 10 s.
  4. Høgmo, A (1995): Minoriteters møte med majoritetens samfunn, kultur og språk. I: O. Brox (red): *Integrasjon av minoriteter. Kan Carmen og Khalid bli gode i norsk.* Oslo. Tano. 14 s.
  5. Kibsgaard, S. (1995): Barnehagen som læringsarena for språklige minoriteter. I: O. Brox (red) : *Integrasjon av minoriteter. Kan Carmen og Khalid bli gode i norsk.* Oslo. Tano. 13 s.
  6. Lauglo, J.(1989): Folkestyrt skole i internasjonalt perspektiv. I: Jordheim, Knut (red) (1989): *Skolen 1729-1989. Norsk grunnskole 250 år. Selskapet for norsk skolehistorie.* Oslo. NKS-Forlaget. 10 s.
  7. Løvlie, L. (1990): *Omsorgsperspektiver. I: Jensen, K.(red)(1990): Moderne omsorgsbileder.* Oslo. Gyldendal (s.33-60). 27 s.
  8. Telhaug, A.O.(1994): *Den moderne barndommen som utvidet institusjonalisering. Om barnehageutbygging, skole*



for seksåringer og skolefritidsordninger. I: Aasen, P. og A.O. Telhaug (red.) (1994): Takten, takten. Pass på takten. Studier i den offentlige oppdragelses historie. Oslo. ad Notam Gyldendal (s. 219- 229) 10 s.

9. Tiller, P.O. (1989): Barneforskningens gjenstand. I: Tiller, P. Hverandre. En bok om barneforskning, Oslo. Gyldendal( s. 18-31). 13 s.

10. Øzker, K. Z (1993): En verdig assimilasjon er nødvendig. Norsk skuleblad 5/1993. 2 s.

*Offentlege publikasjonar:*

Lov om barnehagar og ulike rundskriv og retningsliner for praktisering av lova.

Lov om barnevernstenester

Opplæringslova

Lov om helsetenester i kommunene

Lov om sosiale tenester m.v.

Rammeplan for barnehagen.

Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen KUF generell del + 1.-4. klasse

NOU 1995: 12 Opplæring i eit fleirkulturelt Norge.



## **DRAMA, 10 STUDIEPOENG (FL107)**

### **INNLEIING**

Drama er eit fag i førskulelærarutdanninga der barna sin leik og særleg rolleleiken utgjer eit sentralt utgangspunkt. Leik, drama og teater har mange likskapar, og gjennom arbeid med verkemiddel henta frå teater, kan studentar få kunnskap om og forståing av innhald, form og struktur i barna sin leik. Dei vil slik få reiskapar til å hjelpe og inspirere barna i utviklinga av rolleleiken og vere med å leggje grunnlag for barna sine estetiske uttrykk.

### **MÅL**

Gjennom studiet i drama skal studentane:

- utvikle kunnskap om, dugleik i og haldningar til barna sin eigen dramatiske leik og forstå sambandet mellom leik, kunst og pedagogikk
- tileigne seg kunnskap om og erfaring med å planleggje, gjennomføre og evaluere dramapedagogisk arbeid i barnehagen, også knytt til tilpassa opplæring
- utvikle innsikt i dramafaget sin eigenart og spelkompetanse innafor dramatiske uttrykksformer
- planleggje, utvikle og framføre ei teaterframsyning for barn og få innsikt i dei relasjonar faget har til kultur og samfunn

### **INNHALD**

Studiet har to hovuddelar:

1. Dramapedagogikk
2. Dramatiske uttrykksformer og Teater for barn

#### *1. Dramapedagogikk*

Kunnskap om barna si utvikling og uttrykksmåtar innafor leik, drama og teater vil stå sentralt i dette hovudemnet. Ved å arbeide praktisk med ulike dramaaktivitetar, og ved å få innsikt og kunnskap i aktuelt teoristoff, kan studentane bli gode modellar og vere med å skape eit positivt og godt dramamiljø i barnehagen.

Dramafaget har sine røter i leik, teater og pedagogikk. Studentane skal kunne sjå samanhengen mellom desse tre, og sjå dramafaget sin plass i skule og barnehage i eit historisk og kulturelt perspektiv.

Studentane skal:

- leike og ta i bruk forteljingar i dramatisk skaping
- gjere greie for samhengar mellom leik, teater og drama
- dokumentere kunnskap om sentrale trekk ved dramafaget si historiske utvikling, og

reflektere omkring dramafaget sin plass i samfunnet

- reflektere over målsetting for arbeid med drama i barnehagen
- observere barna sin leik og anna dramatisk verksemd
- planleggje, gjennomføre og vurdere dramapedagogisk arbeid i høve til tilpassa

opplæring

- tileigne seg kunnskapar om korleis nytte IKT i praktisk dramaarbeid i barnehagen

## 2. Dramatiske uttrykksformer og teater for barn

Ein legg vekt på at studentane får oppdage og prøve ut dei dramatiske verkemidla gjennom leik, spel og improvisasjon og teaterproduksjon. Eiga uttrykksevne, spelkompetanse og kjennskap til det særigne ved dramatiske formspråk er nødvendig for å leggje til rette dramaundervisning for andre. Som ein del av studiet skal studentane delta i utvikling og framføring av ei teaterframføring for barn. Teoriundervisninga skal kaste lys over det praktiske arbeidet.

Studentane skal:

- arbeide med grunntrening i teaterspråket
- ha kjennskap til grunnelementa i drama, og kunne nytte desse til å utvikle spel
- arbeide med ulike former for uttrykk som t.d. rørsleuttrykk, mime, dans, stemmeuttrykk, improvisasjon, tablå, biletteater, dramatiseringar eller rollespel
- lage ei teaterframsyning for barn

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studiet er delt inn i ulike emne som vert arbeid med i både forelesingar og praktisk arbeid. Gjennom året skal studentane arbeide både individuelt og i grupper. Studiet er eit praktisk - teoretisk fag der den utøvande og skapande delen av faget utgjer hovuddelen. Den utforskande og eksperimenterande sida av faget har klare parallellar til barna sin leik. Gjennom studiet skal ein leggje vekt på praktiske og studentaktive undervisningsformer som er i samsvar med arbeidsformer i barnehage og grunnskole.

## VURDERING

Studentane har rett til rettleiing og vurdering gjennom heile studiet. Både faglærarar og medstudentar har ansvar for å medverke i den uformelle vurderinga av individuelt og kollektivt studentarbeid, samt vurdering av/ tilbakemelding om verksemd og evalueringsmetodar i studiet.

*Vilkår for å gå opp til eksamen:*

Godkjent frammøte etter HVO sine reglar (gjeld for kvar modul). Frammøte skal være av ein slik art at studenten viser interesse og aktiv deltaking i faget.

*Eksamen*

Den endelege karakter i drama 10 studiepoeng vert sett på grunnlag av ein 6 timars skriftleg eksamen med praktisk/munnleg justering. I den skriftlege delen vert ein prøvd innanfor området dramapedagogikk, medan den praktisk/munnlege vil bestå av ei kunstnarleg scenisk framføring for barn, medstudentar, sensorar. Etter presentasjonen vert det lagt opp til ei drøfting og refleksjon kring eige arbeid.

Den praktisk/munnlege delen av eksamen skal i utgangspunktet justere den skriftlege karakteren opp eller ned med inntil to bokstavkarakterar, men heile skalaen kan takast i bruk dersom det er behov for det.

Det vert gitt bokstavkarakter etter skalaen A-F, der A - E blir nytta for stått og F for ikkje stått.

## PENSUM

*(Forslag til pensum (endeleg liste vert gitt ut ved studiestart))*

Hernes, L./Horn, G./Reistad, H.: Teater for barn, Tell forlag, 1993.

Lindquist, G: Från fakta till fantasi, Studentlitteratur, Lund, 1989.

Mykle, Bjørg: Dukkenes magi, Pax Forlag A/S, Oslo, 1993.

Carlsen, Kari og Samuelsen, Arne M.: Inntrykk og uttrykk, Gyldendal Norsk Forlag, 1988.

Kap. 1 & 2.

Elsness, Turid Fosby: Pedagogisk drama, Aventura 1985

*Støttelitteratur*

Braanaas, Nils: Dramafaget i barnehagen og småskolen - en antologi, Landslaget Drama i Skolen, 1993.

Lindquist, G.: Ensam i vida världen, Studentlitteratur, Lund 1992.

Fagplanen er skrive på grunnlag av gjeldande Rammeplan for førskulelærerutdanning (1995).

## **FORMING, 10 STUDIEPOENG (FL101)**

Denne fagplanen bygger på Rammeplan for 3 - årig førskulelærerutdanning og gjeld for studentar som startar studiet hausten 2002.

Forming er eit estetisk fag med ein sentral plass i barnehagen. Oppleving og eigenutvikling er knytt til sansing og bearbeiding av sanseintrykk i skapande arbeid med ulike materialar, der studentane gjer sine egne estetiske erfaringar. I tillegg arbeider studentane med teoristoff om faget. Studentane sitt møte med barnehagen i studietida gir rom for erfaringar og refleksjonar knytt til praksisfeltet.

### **MÅL**

Gjennom studiet i forming skal studenten:

- utvikle evne til kreativ tenking og skapande handling
- skaffe seg kunnskap gjennom erfaringar med materialar, reiskapar og teknikkar
- utvikle evna til å oppleve, forstå og bruke kunst og formkultur i arbeidet med barn
- få grunnlag til å bygge opp eit stimulerande formingsmiljø i barnehagen

### **MÅLOMRÅDE / INNHOLD**

Det fagleg-pedagogiske studiet i forming omfattar fire hovudemne med delemne:

#### *1) Praktisk skapande arbeid*

Utgangspunktet for praktisk skapande arbeid skal vera knytt til oppleving og sansing. I arbeidet med bilde, skulptur og bruksform vil studentane arbeide med ulike materialar, reiskapar og teknikkar for å uttrykke idear og opplevingar. Allsidige sanseintrykk som grunnlag for personlege uttrykk i to- og tredimensjonale materialar vil bli vektlagt. Innan bilde, skulptur og bruksform skal studentane gjera praktiske og estetiske erfaringar i sakleg, ekspressiv og fabulerande form innan materialområde som:

Grafiske og koloristiske teknikkar: Teikning, måling , farge og ulike trykkteknikkar

Tekstile materialar og teknikkar: Ull , tråd, og stoff.

Leire: Ulike samansetjingsteknikkar og modellering.

Tre: Enkle teknikkar i tre som t.d. spikking

#### *2) Formingsdidaktikk*

Dette hovudemnet omfattar fagdidaktikk og lærestoff om barns to- og tredimensjonale formutvikling i eit pedagogisk og historisk perspektiv. Fagstoffet skal gi innsikt i forståing for korleis forming kan verke til å utvikle kunnskapar, kjensler og dugleik hos barn.

Hovudemnet omfattar desse delemna:

- Barn og skapande verksemd; leik, skapande prosessar, kreativitet, fantasi
- Barns si formutvikling innan det to- og tredimensjonale, kulturpåverknader
- Forming i barnehagen; pedagogiske prinsipp, kort historikk, planverk for barnehage og 1.klasse
- Forming brukt som spesialpedagogisk verkemiddel

#### *3) Kunst, media og formkultur*

Dette hovudemnet omfattar oppleving, analyse, refleksjon og bruk av kunst, handverk og masseprodusert form. Det er naturleg å sjå dei ulike delemna under kunst, media og formkultur i samheng med kvarandre. Samstundes må ein sjå hovudemnet i lag med skapande arbeid innan bilde, skulptur og bruksform.

- Kunstoppleving; møte med ulike kunstuttrykk, besøk på utstillingar, kunst og formkultur som inspirasjon til eige skapande arbeid

- Analysemetodar, vurdering og bruk av kunst og formkultur; bl.a. bruk av IKT i forming

- Kunstoriering; tradisjonell kunst og kultur, moderne kunstuttrykk

#### *4) Barnehagens fysiske miljø*

Studentane skal gjennom arbeid med dette emnet øve opp ei estetisk, kritisk og skapande haldning til det fysiske miljøet i barnehagen.

- fysisk miljø ute og inne

- tilrettelegging av utstillingsplass for formingsarbeid
- presentasjon gjennom montering, teksting, opphenging av formingsarbeid

Nærare presisering av innhaldet om tema og arbeidsområde blir utdelt ved semesterstart.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studiet er lagt til 1. året i førskulelærerutdanninga. Innhaldet i faget blir organisert i **tverrfaglege tema**. Fagstoff frå dei ulike faga som passar i lag blir lagde i **blokker**, til vanleg 2 eller 3 fag er inne samtidig. Slik kan studentane få større konsentrasjon og høve til fordjuping. I kvar temaperiode vil det bli gitt oppgåver, enten faglege eller tverrfaglege, gruppe eller individuelle arbeid, som er **obligatoriske** og skal innleverast og presenterast innan avtalte fristar. Desse oppgåvene kan vere reint praktiske eller ei kopling mellom kunst og formkultur, didaktikk og praktisk arbeid. Fagdidaktikken vert lagd til eigne timar, men delar av den blir integrert i dei arbeidet med det praktiske. Studentane skal reflektere over eige skapande arbeid og relatere det til kunst og formkultur og til pedagogisk arbeid i barnehagen. Arbeidsmåtene vil variere, men ha vekt på det problembaserte og skifte mellom det analytiske og intuitive. Faglærer skal ha sett arbeidet undervegs i den skapande prosessen.

Undervisninga vert organisert i **storgupper** med vekt på førelesingar (evt. mellom - og etterlesingar) i pensumstoff, **seminargrupper** på 15 - 20 studentar, der verkstadarbeid og framlegging av dette vert vektlagt og **basisgrupper** med 4-6 studentar, der det vert lagt opp til studentaktive arbeidsformer. Ein faglærer vert rettleiar for ei basisgruppe. Det **er obligatorisk frammøte og deltaking** i alle verkstادتimar, seminartimar og rettleidde basisgruppetimar. Studentar som er borte frå undervisninga, har sjølve ansvar for å orientere seg om kva klassen har arbeidd med i faget.

Verkstadene vil vere opne for sjølvstudium på dagtid når dei ikkje er opptekne til undervisning. Om kvelden og i helgane følgjer ein skulen sine opningstider. Ein føreset at ordens- og vedlikehaldsarbeid av reiskap og verkstad vert praktisert.

### *Bruk av IKT*

IKT vert eit sentralt verkty både i kommunikasjon med faglærer / øvingslærer og som dokumentasjonsform. I starten av 1. semester vil det bli gitt opplæring bruk av data, tekst- og bilethandsaming.

### *Tilpassa opplæring*

Tilpassa opplæring vert lagt vekt på i emnet barn si to- og tredimensjonale utvikling både med tanke på differansiering og med ei meir spesialpedagogisk vinkling. (Jfr. pensumlista). Det blir òg lagt opp til ein differansiering i det praktiske arbeidet der utprøving og ein til ein rettleiing vert vektlagt med ein metodisk innfallsvinkel.

### *Materialpengar*

Av praktiske grunnar blir det kjøpt inn ein del felles materiale. For dette må studentane betale ei materialavgift på kr. 330,-. Studentane må òg halde seg med noko utstyr sjølv. Dei må òg rekne med utgifter til fargekopiering av oppgåver.

### *Studiekvalitet*

For å sikre studiekvaliteten har ei faggruppe for studiekvalitet, 2-3 studentar, ansvaret for å vere bindelekk mellom storgruppa og faglærer. Desse møtest til faste møter, minst eit i semesteret, der ein kan ta opp ulike forhold ved studiet og slik få ei kontinuerleg evaluering.

### *Praksis*

Praksisnære arbeidsformer er viktig i eit profesjonsstudium. 1. studieåret er praksis to-delt og studentane skal i første praksisperiode observere, kartlegge og vurdere forhold som er aktuelle for det vidare arbeidet i forming. Mellom praksisperiodane vil det faglege arbeidet, både didaktisk og praktisk bli relatert til praksisfeltet. Det vil bli lagt opp til at studentane skal ha høve til å ha kontakt med øvingslærer om pedagogiske spørsmål enten via IKT eller direkte kontakt med barnehagen. Som førebuing til praksis vil studentane får innføring i fleire aktuelle tema: barnehagen som oppvekstmiljø, observasjon/kartlegging, årsplan for barnehagen m.m. I nokre tilfelle kan det bli aktuelt å invitere førskulebarn til å vere deltakarar på studentleia aktivitetar. I den andre praksisbolken vil ei av praksisgruppene få konkrete arbeidsoppgåver der forming er tyngdepunktet. Meir om dette i eigen "praksisplan".

## VURDERING

I studiet skal det vere både ei formell og ei uformell vurdering

Gjennom fagstudiet får studentane jamleg uformell tilbakemelding på sitt eige skapande arbeid. Studentane skal trene seg i å vurdere eige og medstudentar sitt arbeid. Dette skjer i samband med praktisk skapande arbeid, utstillingar eller anna framlegging av praktiske og skriftlege arbeid. Denne uformelle vurderinga er ein del av arbeidsmåten i forming, der medlæring er eit sentralt verkemiddel. Ulike vurderingsformer av meir formell karakter kan vera der studentane skal dokumentere eit visst fagleg nivå med omsyn til:

- Personleg eksperimentierende løysingar
- Bruk av estetiske verkemiddel
- Teknisk og praktisk dugleik
- Kunnskapar om forståing for barnekultur og formspråket til barn
- Reflektert haldning til pedagogisk verksemd i barnehagen

### **ARBEIDSKRAV**

- Alle oppgåver gitt gjennom året skal vera sett av faglærer undervegs i prosessen, og innleverte til avtalt tid og klarerte til eksamen.
- Godkjent frammøte og deltaking i samsvar med frammøterelementet.

### **EKSAMEN**

Studenten skal ha ein individuell karakter på vitnemålet. Karakteren byggjer på to uavhengige komponentar:

1. Praktisk eksamen; utstilling av arbeid gjort gjennom året. Vekta 60 %
2. Innlevering av teoretisk arbeid gjort gjennom året. Vekta 40 %

Det vert nytta bokstavkarakterar etter ein gradert skala med fem trinn frå A til E for stått og F for ikkje stått.

(Ved studiestart vert det gitt nærare informasjon om dette. )

### **PENSUM**

Gullberg, Vivian Hernar Barns bildeskaping, utvikling og forutsetninger.

Høgskolen Stord/Haugesund 1995. ( Kap. Om retarderte Barn s. 128 - 143)

Samuelson, A./Carlsen Kari Inntrykk og uttrykk. Estetiske fagområder i barnehagen.

Gyldendal 1988. (9-49, 105-113)

Storaas, Frøydis Barneteikning - form og forteljing. Samlaget 1996 s. 24-92.

Trageton, Arne Leik med materiale- konstruksjonsleik 1-7år HSH 1995 (13-68, 82-132).

Rammeplan for barnehagen.

50 sider sjølvvald pensum innan kunst og kulturhistorie.

NB! Tek atterhald om endring.

### **FYSISK FOSTRING, 12 STUDIEPOENG (FL102)**

Vilkår for å halde fram i lærarutdanningane. Vi syner til retningslinjer i generell del for Avdeling for lærarutdanning.

### **INNLEIING**

Fysisk fostring i førskulelærarutdanninga er både eit sjølvstendig fagområde, og eit fagområde studentane vil møte i fleir- og tverrfagleg samanheng.

Faget skal gjennom teoriundervisning og praktisk-metodisk arbeid gi studentane innsikt i barns behov for rørsle, og korleis ein kan stimulere gleda ved å bruke kroppen gjennom fysisk aktivitet. Lærestoff som omhandlar barn i førskulealder vil sjølvstendig vere naturleg å prioritere.

Det skal og takast opp emne som går meir på vaksen-personen. Førskulelæreryrket er eit belastande yrke både fysisk og mentalt, og det vert difor avgjerande for kvaliteten i arbeidet, at den vaksne er seg bevisst kva som gjer ein sliten i kvardagen, og korleis ein kan rå bot med desse faktorane. Rolla den vaksne har i samband med barns leik, vil påverke leiken. Vaksenrolla i leiken vil er difor eit sentralt tema.

### **MÅL**

Måla for studiet i faget fysisk fostring slik dei kjem fram i Rammeplanen, er svært omfattande og varierte. Ein prøver å nå måla gjennom allsidige arbeidsmåtar og eit breitt samansett utval av lærestoff og aktivitetar.

Det vil i grunnutdanninga vere sentralt at studentane tileignar seg kunnskap om og erfaring med ulike former for leik og fysisk aktivitet, og forståing for korleis desse kan virke inn på barns fysiske kapasitet og sansemotoriske utvikling spesielt, og på sosial, emosjonell og intellektuell utvikling generelt .

Å ta vare på natur og miljø er i dagens samfunn viktigare enn nokon gong tidlegare. Studentane skal difor tilegne seg

kunnskap om og forståing for natur og miljøvern gjennom friluftsliv. Ei av hovudmålsettingane i grunnutdanninga er å få studentane til å like å vere fysisk aktive under varierende tilhøve og i ulike miljøkategoriar.

I tillegg til det å vere fysisk aktiv, må studentane gjennom studiet også tileigne seg kunnskap og ferdigheit som gjer dei i stand til å syte for at alle barn får eit godt og stimulerande oppvekstmiljø i barnehagen. Eit oppvekstmiljø som verkeleg tek vare på førskulealderen som den store sansemotoriske perioden i våre liv.

## INNHALD

Det er i denne fagplanen ikkje teke med eit detaljert timetal for dei ulike delane av faget. Det er ein føresetnad at faglærer utarbeider og leverer ut periodeplanar for studieåret.

### Hovudemne

Det faglig-pedagogiske studiet i fysisk fostring inneheld fem hovudemne :

- Utvikling og læring
- Leik og oppvekstmiljø
- Fysisk aktivitet og helse
- Fysisk aktivitet - natur og miljø
- Fagdidaktikk

#### *Hovudemne 1: Utvikling og læring*

Dette hovudemnet vektlegg barns fysiske og sansemotoriske utvikling, og den betydning kroppsmedvit har for generell utvikling og læring.

Delemne:

- Fysisk og sansemotorisk utvikling
- Sansing og motorikk
- Observasjon av barns motorikk
- Grunnleggande rørsler og allsidig rørsleerfaring i ulike miljø
- Dans og andre former for ekspressiv verksemd

#### *Hovudemne 2 : Leik og oppvekstmiljø*

Emnet legg vekt på leiken si betydning for barns utvikling og læring og på tilrettelegging av aktivitetstilgjenge med tanke på å gi barn med ulike føresetnader allsidig rørsleerfaring og positive opplevingar åleine og saman med andre.

Delemne:

- Oppvekstmiljø og leik - kultur og tradisjon
  - Kjønnsroller
  - Barn og idrett
  - Overgang barnehage-skule
  - Planlegging og tilrettelegging av leikemiljø
- Observasjon og evaluering av leike- og oppvekstmiljø i Volda og Ørsta.

#### *Hovudemne 3: Fysisk aktivitet og helse*

Hovudemne 3 tek opp fagstoff om korleis kroppens oppbygging og funksjon, og korleis den kan haldast ved like gjennom trening. Emnet er viktig med tanke på å kunne gi forståing for utvikling av god helse generelt, men også for å gi kunnskap om barn med ulike føresetnader.

Delemne:

- Trening og helse
- Ergonomi. Haldningsarbeid og førebyggjande helsearbeid (arbeidsteknikk)
- Tilpassa opplæring
- Overlevingsaktivitetar/vasstilvenning, nybyrjaropplæring, livberging, sjølvberging
- Livredningsprøve

#### *Hovudemne 4: Fysisk aktivitet - natur og miljø*

Emnet tek sikte på å gi opplevingar med, og kunnskap om, mennesket sin plass og ferdsel i naturen gjennom friluftsliv og leik i ulike miljø.

Delemne:

- Ut i naturen til alle årstider
- Friluftslivsundervisninga vert lagt til nærmiljøet i Volda- og/eller Ørsta kommune, og i samband med gjennomføring av vinterveka "Barn og snø". Studentane må sjølv dekke evt. reisekostnader.

#### *Hovudemne 5: Fagdidaktikk*

Hovudemnet legg vekt på kartlegging og analyse av fysisk aktivitet både ute og inne, i og utanfor barnehagen.

Vaksenrolla må og drøftast i denne samanheng.

Delemne:

- Observasjon og vurdering av barns fysiske miljø
- Planlegging, tilrettelegging, vurdering og rettleiing av arbeid med fysisk fostring.
- Tilknytting til praksis. Kartlegging og analyse av fysisk aktivitet under praksisperiode i barnehage.

### **Praktisk aktivitet**

Fysisk fostring er eit praktisk fag, og difor vert hovudtyngda av undervisninga gjennomført i sal, symjehall, på leikeplassar, idrettsplassen/banene ved skulen, eller i naturområde nær skulen. Bruk av ulike miljø til ulike årstider er såleis sentralt.

Lærestoffet i dei praktiske timane skal utdjupe og gi lys til lærestoffet i dei teoretiske timane, og omvendt.

Studentane kan ikkje rekne med stor grad av fordjuping i dei praktiske timane, då det er mangfaldet vi prioriterer.

### *«Barn og Snø» ( skikurs )*

Utgangspunktet for kurset er ei tverrfaglig tilnærming til tema «Barn og Snø».

Faginnhald:

- Skileik/grunnleggande balanseøvingar på ski
- Gå, renne, svinge og hoppe på ski - tilrettelegging for øving
- Val og vedlikehald av skiutstyr for barn og vaksne
- Turplanlegging for dagstur - friluftsliv på vinterstid
- Formings- og drama-aktivitetar i og med snø

Det er tradisjon ved høgskulen å avvikle dette kurset i løpet av ei veke på Bjorli. Dette p.g.a. gode snøtilhøve og ikkje minst det sosiale aspektet. Same kvar kurset blir avvikla, vil det medføre ekstra kostnader for kvar einskild student. Om kurset vert lagt til Bjorli må ein rekne med reise og opphaldsutgifter på ca. kr 1200 (overnatting ca. kr 600 + heiskort ca. kr 200 + buss ca. kr 400) samt fråvær frå heimen inntil 6 dagar.

Dette kurset er en obligatorisk komponent i studiet.

### **Praksis**

Studentane skal i 1. praksisperioden observere, kartlegge, og vurdere relevante forhold omkring arbeid med fysisk fostring i praksisbarnehagen. Grunnlag for dette arbeidet vert lagt i fagperioden før praksis. Då vert årsplan for øvingsbarnehagen analysert, og det vert arbeidd med sentrale spørsmål om barnehagen som del av barn sitt oppvekstmiljø.

Nokre studentar vil få konkrete oppgåver knytt til faget fysisk fostring i 2. praksisperiode. Ordlyden i desse oppgåvene vil gå fram av eit samla praksisoppgåvesett som vil verte utlevert under førebuing til praksis.

### **IKT**

I samband med studentane sitt arbeid med å dokumentere arbeid gjennom studiet, og i samband med kontakt med faglærer og øvingslærer om aktuelle oppgåver, vert IKT eit nyttig kommunikasjons- og dokumentasjonsverktøy. Mappedokumentasjon vert omtala under Organisering og Arbeidsmåtar, og i samband med dei omleggingar som vert gjort framfor studieåret 2001-2002, vil t.d. digitale dokumentasjonar også kunne nyttast i samband med oppgåver i fysisk fostring.

### **Tilpassa opplæring**

Sidan så stor del av undervisning og studieinnhald i Fysisk fostring er basert på praktisk aktivitet og deltaking, vil spørsmål omkring tilpassa opplæring stå sentralt i alle slike situasjonar. Det vert lagt vekt på å ta omsyn til det store spekter av variasjonar i deltakarane sine føresetnader for å ta del i desse aktivitetane. Såleis kan ein trygt kan slå fast at tilpassa opplæring, ut frå tanken om deltakarar med ulike læreføresetnader, vert ein av dei gjennomgåande faktorane i all form for praktisk aktivitet.

**Tryggleik** er eit grunnleggjande prinsipp for at læring skal kunne finne stad, og såleis vil studentane møte problemstillingar knytt til korleis ein kan arbeide for å skape tryggleik for den einskilde i mange ulike samanhengar. Dei fleste læreprosessar startar såleis med tilvennings- og tryggleiksøvingar. Gjennom studiet vil og studentane møte pensumlitteratur og fagstoff som er konsentrert om barn med særleg behov for hjelp og støtte, og som såleis har behov for spesiell tilrettelegging for å kunne ta del i leik og aktivitet saman med andre.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Det 1. studieåret i Førskulelærerutdanninga har ein profil med kortare fagperiodar, temaorganisering og tverrfagleg vinkling i studiet. Dette vil medføre at studentane vil få færre fag å halde seg til i periodar/blokker. Det vert og lagt opp til korte fagperiodar der berre eitt eller to fag er inne. Detaljerte planar for denne organiseringa vert delt ut ved

studiestart.

Undervisninga vert og noko omorganisert. Ein vil nytte både storgruppe, seminargruppe og basisgruppe i arbeidet med å gjennomgå pensum. Meir om dette i generell del.

Med ei slik organsering vonar ein å få til meir studentaktive lærings- og arbeidsmåtar gjennom heile studieåret. Samstundes vil dokumentasjon for at studentane har utført dei ulike arbeidsoppgåvene, samlast i studentmapper, der delar av desse vert ein del av eksamensgrunnlaget.

Det er obligatorisk frammøte og studentdeltaking til alle seminar- og basisgruppetimar. Nokre storgruppetimar vil og ha denne form for obligatorisk frammøte. I fysisk fostring gjeld det førelesingstimar knytt til obligatoriske kurs og/eller ekskursjonar.

### *Praktisk metodisk oppgåve med rapport*

Individuelt eller i gruppe skal studentane førebu og gjennomføre ei praktisk metodisk oppgåve for medstudentar eller førskuleborn. Førrettleinga er obligatorisk med faglærer ved oppstarten av denne oppgåva. I etterkant av gjennomføringa skal studentane levere inn ein rapport der planlegging og gjennomføring av opplegget blir vurdert.

Tidspunkt for den praktisk metodiske oppgåva vil gå fram av årsplanen som vert levert ut i starten av skuleåret.

Oppgåve, utforming og presisering av innhald i rapporten vert gitt nærmare beskjed om av faglærer. Omfang av rapporten skal vere 3-4 maskinsrivne sider. Frå gjennomføringsdato av den praktisk metodiske oppgåva har studenten ein frist på 14 dagar på å levere rapporten.

Den praktisk metodiske oppgåva blir vurdert til greidd/ikkje greidd av faglærer. Rapporten skal inngå i einskildstudenten si mappe, og vert vurdert til eksamen.

## VURDERING

### *Frammøte*

Det er obligatorisk frammøte (80%) til all praktisk undervisning i faget. Einskilde teoritimar som er direkte førebuing til praktisk-metodisk verksemd, slik som skikurs, friluftsliv, observasjon m.m. er også obligatoriske. (sjå Frammøterelement for HVO i Studiehandboka)

Frammøtet skal vere av ein slik karakter at studenten viser interesse og aktiv deltaking i studiet. Aktiv deltaking er ein føresetnad for at praktiske timar skal gi fagleg utbytte.

I emna vasstilvenning og livredning stiller vi krav om **80 % aktiv deltaking i vatnet** for å få godkjent studiet. For å kunne avvike frå dette kravet må studenten legge fram legeattest som syner at ho/han ikkje kan ta aktivt del i bassengaktivitetar. Det vert høve til å avlegge livbergingsprøve mot slutten av timane i bassenget.

### *Vilkår for å gå opp til eksamen - arbeidskrav*

For å få gå opp til eksamen i fysisk fostring må studenten oppfylle desse krava:

- a) Godkjent frammøte og deltaking i samsvar med frammøtekrav og reglement.
- b) Praktisk-metodisk oppgåve må vere greidd.
- c) Alle pålagde oppgåver i fagperiodar og temaperiodar må vere godkjent.

## EKSAMEN

Endeleg vurdering i faget fysisk fostring vert basert på to deleksamnar:

### **1. Praktisk metodisk eksamen.**

Denne eksamen blir gjennomført på slutten av vårsemesteret. Eksamen blir gjennomført individuelt eller gruppevis. Studentane skal utifrå ei gitt oppgåve ha 20-30 minutt instruksjon. Instruksjonsoppgåva vil studentane bli kjent med dagen før eksamen. Det er oppmøteplikt heile eksamensdagen(e) då medstudentar skal delta i instruksjonsoppgåva. I vurderinga blir det lagt vekt på korleis studenten fungerer som lærar, førebuing, gjennomføring, faglig innsikt, metode og didaktikk. Etter instruksjon blir det 10-15 minutt med individuell munnleg eksaminasjon. Praktisk metodisk eksamen utgjer 50 % av endeleg karakter.

### **2. Mappeeksamen.**

Individuell framlegging av oppgåveløysingar gjennom året, samla i ei fagmappe. Nærmare retningslinjer om mappene vil bli gitt ved studiestart. To mapper blir trekt ut til vurdering. Mappeeksamen utgjer 50% av endeleg karakter.

Karakterer vert gitt etter ein skala fra A til F med A som beste karakter, og E som lavaste ståkarakter.

## PENSUM

Moen, Ellen/Sivertsen, Arne: *Skritt for skritt. Barn og bevegelse. Fysisk fostring/Kroppsøving i barnehage og småskole*. Vett og Viten 1995



Flemmen, Asbjørn: *Skileik*. Universitetsforlaget/Norges Skiforbund 1990

Eit hefte/kompendium med aktuelt pensumstoff utover det ein finn i bøkene over, vert samanfatta av fagansvarleg lærar før studiestart. Dette heftet vert å kunne kjøpe i hustrykkeriet ved HVO.

Rammeplan for barnehagen: Barne- og familiedepartementet Q-0903 N

Lov om barnehagar: Barne- og familiedepartementet Q-0902 N

*Detaljert og oppdatert pensumliste vert utlevert av faglærar ved studiestart.*

## **MATEMATIKK - 6 STUDIEPOENG (FL108)**

### *Barn og matematikk*

Førskulebarn er opptekne av tal, geometriske former og andre fenomen og samanhengar som er med på å danne grunnlaget for matematisk forståing og tenkjemåte. Dei tel, dei veit kor gamle dei er, dei nyttar talomgrep når dei leikar med klossar, spelar kort eller andre spel. Dei opparbeider kunnskap om vekt og volum når dei leikar med sand, vatn, leire og steinar. I sangleikar og formingsaktivitetar finn ein både tal, symmetri og geometriske mønster.

Barnehagen skal vere eit allsidig pedagogisk tilbod. Det vert for snevert å berre tenkje på å førebu barna til seinare skulegang. Barna sine eigne matematiske tankar har ein eigenverdi som må respekterast. Dei emna som vert tekne opp må difor handsamast på barna sine premissar. Følgjeleg må ein også ta omsyn til barna sin kulturelle bakgrunn.

### *Haldningar til matematikken*

For at førskulelærarar skal kunne stimulera barna i deira utvikling på dette feltet, bør dei kjenne til dei grunnleggjande matematiske omgrepa og korleis dei utviklar seg hos barn. Eit viktig moment er då bevisstgjerjing av korleis mange av dei tradisjonelle aktivitetane i barnehagen som er matematikkførebuande.

Mange har gjennom sin skulegang fått ei oppfatning av matematikkfaget som ei regel- og formelsamling. Det er ynskjeleg at ei slik haldning vert erstatta av ei oppleving av matematikk som eit skapande fag, og ein rasjonell og spanande måte å strukturere kvardagen og omgivnadene sine på.

Matematikk har også ei språkleg side som tradisjonelt har vore lite vektlagt, og som førskulelærarutdanninga bør arbeide for å gjere studentane medvitne om. Studentane bør lære å bruke eit matematisk språk om matematiske omgrep. Samstundes må studentane vere opne for barna sitt eige matematikk-språk, og respektere kunnskapane deira. Dette inneber blant anna at det matematiske språket må falle naturleg inn i samtalar, og ikkje handsamast og undervisast isolert frå daglegspråket

## **MÅL**

Gjennom matematikkstudiet skal studentane:

- utvide og konsolidere eigne kunnskapar og dugleik i matematikk
- utvikle ei forståing for korleis matematiske omgrep og tenkjemåtar er eit middel til å forstå, få oversikt over og få kontroll med røynda omkring oss
- utvikle ei haldning til matematikk som inneber at dei ser på faget som eit reiskap for skapande verksemd og ei kjelde til glede
- tileigne seg innsikt i korleis barn utviklar matematiske omgrep og tenkjemåtar, ellom anna gjennom fri leik og allsidig bruk av sansane
- skaffe seg innsikt i korleis ulike aktivitetar er med på å byggje opp matematikkunnskapar hos barna
- lære å bruke eit passande språk i samband med den matematikken barna utviklar, og ha ei open haldning til barna sine uttryksmåtar

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Studiet er organisert i temaperiodar, der timeplanen er blokklagd. Undervisninga vil vekselvis gå føre seg i storgrupper, seminargrupper og basisgrupper, bestemt av kva som høver best for det stoffet ein arbeider med.

Matematikk vert i hovudsak tileigna gjennom aktivitet. Det er viktig både for haldningane og for dei praktiske og teoretiske kunnskapane som studentane får. Dei meir teoretiske delane vert formidla gjennom førelesingar.

Emne som er knytt til arbeid med barn, vil vi i størst mogleg grad prøve å handsame nær opp til arbeidsformene som vert nytta i barnehagen. Det vil seie at det er barna og deira aktivitetar og tenking som er utgangspunktet.

Studentane, med sine erfaringar frå praksisperiodane i barnehage og grunnskule, vert viktige bidragsytarar i dette arbeidet. Arbeid gjennom døme på barns matematikk vil også bidra til at studentane vert meir medvitne på kva matematikk er. Arbeid i basisgrupper vil vere ei naturleg organisering i denne samanheng.

Ein kan ikkje rekne med at alt pensum vert gjennomgått på førelesing eller ved andre styrte aktivitetar, slik at studentane bør vere innstilte på ei viss grad av sjølvstudium, gjerne i form av kollokviearbeid.

Ein vil prøve å knyte undervisnings- og evalueringsformene tettare saman gjennom såkalla prosessevalueringsformer. Sjå lengre bak i denne planen, under avsnittet: "Vurdering og eksamen".

I løpet av studieåret vert det eit tverrfagleg prosjektarbeid knytt til barnehagepraksis med temaet «Skapande verksemd / leik og læring». I denne perioden skal studentane få erfaring med korleis matematikkfaget kan brukast i praktisk arbeid med barn, og kva det saman med andre fag kan bidra med i høve til skapande verksemd / leik og læring.

Det skal i kvar klasse opprettast ei gruppe som skal arbeide med studieevaluering og studiekvalitet.

Ein tek sikte på å bruke IKT som lærings- og kommunikasjonsform der det fell naturleg.

### *Praksis*

Matematikkfaget tek på lik linje med dei andre faga aktivt del i praksisperiodane, med blant anna eit tverrfagleg praksisprosjekt i samband med barnehagepraksis, og med eigne observasjonsoppgåver i samband med grunnskulepraksis.

### *Tverrfagleg samarbeid*

Små barn opplever ikkje matematikk som eit eige fag. Matematikken er til stades som handlingsmønster, tankestrukturar og språk knytt til det barna er opptekne av. Dette tverrfaglege aspektet vert gjerne opplevd ulikt av barn og vaksne. For barn spring det ut av den umiddelbare opplevinga, medan vaksne ofte har eit meir fagdelt verdsbilete. Det vil difor bli arbeidd bevisst med fagintegrering, til dømes gjennom temaorganisering, ved tverrfaglege prosjekt og ved at matematikkfaget trekkjer inn andre fag som døme og bruksområder, og at andre fag nyttar matematikk der det er naturleg.

### *Tilpassa opplæring*

Ein vil gjennom arbeidet med matematikkfaget prøve å fokusere på korleis den faglege utviklinga kan tilpassast barna sine interesser, anlegg og føresetnader.

## **INNHALD**

Det fagleg-pedagogiske studiet i matematikk omfattar følgjande hovudemne:

1. Tal og bruk av tal
2. Geometri
3. Logikk og problemløysing
4. Fagdidaktikk

I arbeidet vil barnas leik stå sentralt. Leik er heile vegen drivkrafta i utviklinga av barna sin matematikk. Barna nyttar sine omgrep i leiken, og leiken utvidar forståinga. Konstruksjonsleik spelar ei særleg viktig rolle her. Ein må både kunne observere og fokusere på matematikken i barnas tradisjonelle og spontane leik, og ein må kunne leggje opp spesielle aktivitetar som bidreg til å byggje opp matematiske omgrep og tenkjemåtar. Samstundes skal studiet gi førskulelærarane auka kunnskarar i faget, slik at dei kan sjå barna sin matematikk i «fugleperspektiv». Berre då kan dei få auga på matematikken i omgivnadene og leia barna si matematiske utvikling i ei ynskt retning. Arbeidet med barna bør pregast av førskulelæraren si sjølvtilitt, noko som krev både praktiske kunnskarar og oversikt.

Den matematikken barna i barnehagen arbeider med, skal ikkje primært vere skuleførebuande. Likevel er det klart at 5-åringane har bruk for og er interessert i ein klarare strukturert matematikk enn dei minste barna. Dermed vil deira aktivitetar på ein naturleg måte leggje grunnlaget for seinare matematikkopplæring i skulen. 6-åringar i skulen og skulefritidsordninga stiller førskulelæraren overfor spesielle utfordringar i dette faget. Stikkordsopplistinga av delemne nedanfor bør lesast i lys av innleiinga og dei generelle kommentarane. Ein kan ikkje rekne med at alle delemna vert tatt opp like grundig gjennom undervisninga.

### *1. Tal og bruk av tal*

Talomgrep er det viktigaste av alle matematiske omgrep. Barn bygg opp si talforståing gradvis, ved at dei stadig lærer nye aspekt ved tala.

#### **Delemne:**

- Mengdeomgrepet som grunnlag for tala.
- Det ordinale aspektet (nummer i ei rekkjefølgje; ord som først, sist, framføre, bak, over under, mellom, før, etter).
- Det kardinale aspektet (tal på element i ei mengde; ord som fleire, færre, like mange).
- Utvikling av talomgrep hos barn.
- Glimt frå talteikna si historie. - Talsystem, posisjonssystem.
- Dei fire rekneartane og algoritmar knytt til rekneartane.
- Praktisk talforståing knytt til pengar, tid, mål og vekt, einingar, måling, avlesing av skalaar.

### *2. Geometri*

Geometri er studiet av former, storleikar og forhold i planet og i rommet. Dette gjev barn eit godt høve til å knyte matematikk til røynda. Til dømes har alle formingsaktivitetar med geometri å gjere. I romgeometri er leire og byggjeklossar naturlege medium. Aktivitetane bør byggje på barna sine egne erfaringar med det tredimensjonale rommet. Klatring i tre bidreg til slike erfaringar.

#### **Delemne:**

- Leik med former i planet og rommet. - Rette og krumme liner.
- Lengde, areal og volum.
- Mosaikkmønster.
- Puslespel.
- Symmetri.
- Projeksjonar, skuggebilete.
- Konkret materiell: veving, bretteing av papir, fletting av julekorger osv., øskjer, kartongar

### *3. Logikk og problemløysing*

Under dette hovudemnet samlar vi alle aktivitetar som øver opp evna til å tenkje logisk og strategisk. Eit viktig moment her er å få barn til å gi uttrykk for korleis dei tenkjer for å nå eit mål.

#### **Delemne:**

Strategispel: Kortspel, brettspel, fyrstikkspel osv. som er slik at det ikkje er tilfeldig kven som vinn, men der ein kan auke vinnarsjansane ved aktivt å velje mellom ulike alternativ. - Sannsyn. - Strategiar for å løyse problem. - Klassifisering og sortering. - Kombinatoriske problem

### *4. Fagdidaktikk*

Dette emnet dannar ei overbyggjing over dei andre emna. I tillegg til å bli studert, skal dette emnet prega heile den delen av matematikkstudiet som dreier seg om arbeidet med barn.

#### **Delemne:**

- Læringsspsykologi og
- filosofi brukt på matematikk.
- Røynsla si rolle for læring av matematikk.
- Språket si rolle for læring, utvikling og kommunisering av matematikk.
- Bruk av rim og reglar, musikk, songleikar, «elle-melle» av ulike typar.
- Allsidig appell til barna sine sansar.
- Barn som treng ekstra utfordringar, tilpassa opplæring.
- Barn med ulik kulturell bakgrunn.
- Matematikk og jamstelling mellom kjønna.
- Ulike læremiddel for begynnarundervisinga i matematikk.
- Pedagogisk bruk av IKT i arbeid med barn.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### *Vilkår for å gå opp til eksamen - forprøver*

Kvar av temaperiodane kan verte avslutta med eit arbeid som skal evaluerast fagleg eller tverrfagleg. I løpet av studiet skal studentane som eit førekrav levere inn og få godkjent eit obligatorisk fagleg eller tverrfagleg arbeid. Arbeidet vert utført og innlevert av basisgruppene. Evalueringa vil også gå føre seg i basisgruppene ved at kvar basisgruppe evaluerer, kommenterer og set karakter på arbeidet frå minst ei anna basisgruppe. Faglærar rettleiar i evalueringsprosessen der det trengs. Karakteren på dette vil vere «godkjent» eller «ikkje godkjent». Det obligatoriske innleveringsarbeidet må vere godkjent før studentane får gå opp til eksamen. Det vert gitt to forsøk på å få dette godkjent, jamfør generell del.

### *Eksamen*

Kvar av temaperiodane kan verte avslutta med eit arbeid som vert evaluert fagleg eller tverrfagleg. Eit av desse arbeida vil inngå som del av eksamen, og vil totalt telje 40% av den endelege karakteren.

Karakteren i faget vert gitt på grunnlag av to komponentar:

1. Eit fagleg eller tverrfagleg arbeid utført i basisgruppene. Arbeidet tel 40% av samla karakter i faget.
2. Individuell skriftleg tre timars eksamen. Denne delen tel 60% av samla karakter

Det vert gitt bokstavkarakter på ein skala frå A til F der A er beste karakter og E er siste ståkarakter.

I vurderinga vert det lagt vekt på studentane sine:

- kunnskapar og dugleik i faget
- innsikt i korleis barn utviklar matematiske omgrep og tenkjemåtar
- kjennskap til korleis ulike aktivitetar i barnehagen kan bidra til å bygge opp barna sine matematikkunnskapar

## PENSUM

Solem, I. H. og Reikerås, E. K. L.: *Det matematiske barnet*. Caspar forlag. Landås 2001.

Høines, M. J. (red): *De små teller også. Matematikken i førskolepedagogikken*. Artikkelsamling. Caspar forlag. Landås 1996.

### Førelingsnotatar.

Kopiar og kompendium utdelte gjennom studieåret.

### Støttelitteratur:

Høines, M. J.: *Begynneropplæringen*. Fagdidaktikk for barnetrinnets matematikk-undervisning. Caspar forlag. Landås 1998.

Magne, O.: *Lärbilderboken, om integrerad matematikinläring vid tidig ålder (3 - 10 år)*. SIH Läromedel Umeå, 1992.

Griffiths, R.: *Matemateg. Idébog for alle der har med småbørn at gøre*. Forlaget Tellerup. Ruds-Vedby, Danmark 1993

Ahlberg, A.: *Barn og matematikk*. Cappelen Akademisk Forlag as 1996.

Malmer, G.: *Matematikk er spennende. Matematikkundervisning på elevens premisser - en metodisk veiledning*. Aschehoug. 1989.

Selle, A.: *Yrkesteori for matematikklærere*. Småskoletrinnet. TANO forlag 1995.

Hvenekilde, A. (red): *Matte på et språk vi forstår*. J.W.Cappelens forlag A.S. Oslo 1988.

Neuman, D.: *Räknefärdighetens rötter*. Utbildningsförlaget. Stockholm 1989.

Kirfel, C.: *Eksperimentering med matematikk*. Caspar forlag. Landås 1994.

Tangenten. Tidsskrift for matematikk i grunnskolen. Caspar Forlag. Landås.

Nämnamn. Matematik i skolan. Tidsskrift från Liber Utbildningsförlag, Stockholm.

Matematik. Tidsskrift for regne- og matematiklærere. Danmarks Matematiklærer- forening.

## MUSIKK, 10 STUDIEPOENG (FL103)

### Vilkår for å halde fram i lærarutdanningane.

Vi syner til retningslinjer i generell del for Avdeling for lærarutdanning annan stad i studiehandboka.

## INNLEIING

Studiet i musikk skal førebu kvar einskild student til musikkarbeid i barnehagen. Eit vesentleg trekk ved førskulebarnet si åtferd, lek og kommunikasjon er musikalske ytringar. For å stimulere og vidareutvikle born si mottakar- og uttrykksevne på dette området, er det viktig at studentane tileignar seg musikkfaglege og pedagogiske kvalifikasjonar.

Musikken ivaretek sider ved mennesket si utvikling som ingen andre fagområde kan ivareta. Musikk er eit kunstfag med song, dans, spele- og lytteaktivitet i sentrum. Musikk har sine eigne handverksreglar, strukturar og former og representerer eit nonverbalt språk der samspel, utøving og lytting er viktig.

I yrkessamanheng vil det å vere fagleg trygg på seg sjølv i stor grad vere knytt til det nivået den enkelte har som utøvar. Det vert difor viktig at kvar enkelt student vert stimulert til å vidareutvikle sitt eige faglege nivå. Ved å arbeide praktisk med ulike musikkaktivitetar, ved å veksle mellom å skape og gjenskape, vil studentane opparbeide ein tryggleik i og oversikt over faget, slik at dei vil kunne inspirere til og vere med på å skape eit positivt musikkmiljø i barnehagen.

6-åringar i skulen og skulefritidsordningar stiller førskulelæraren overfor spesielle utfordringar som også faget musikk må forholde seg til og førebu for. For å skape kontinuitet mellom musikktil-bodet til dei eldste førskulebarna og musikkfaget slik dei møter det i grunnskulen, må studentane kjenne til musikkplanen og musikkdidaktikk for 1. - 4. klasse.

## MÅL

I musikkstudiet skal studentane utvikle:

- positive haldningar til musikk som uttrykksmiddel

- evne til å oppleve, forstå og vurdere ulike musikalske uttrykk
- skapande evner, auka dugleik og tryggleik i eige musikalsk uttrykk
- kunnskap om vår tids musikkultur og dei verdiar og tradisjonar som den byggjer på
- respekt og forståing for andre kulturar sine musikkuttrykk
- kunnskap om musikalitet som grunnleggjande del av mennesket si utrusting og evner
- kunnskap om born sine musikalske ytringsformer og kva musikk kan ha å seie for den musikalske og generelle utviklinga hos born.
- dugleik og kunnskap i å leggje til rette eit stimulerande musikalsk miljø i barnehagen, slik at ein utløyser barnet sine skapande evner til erkjenning, innleving, oppleving og deltaking

## **INNHALD**

Det fagleg-pedagogiske studiet i musikk omfattar fire hovudemne som skal gi studentane eit fagleg og pedagogisk grunnlag for å bruke musikk i målretta arbeid med born:

- 1) MUSIKKFAGLEG EIGENUTVIKLING
- 2) MUSIKK OG SAMFUNN
- 3) BARNET OG MUSIKKEN
- 4) MUSIKKARBEID I BARNEHAGEN

### ***Hovudemne 1 : MUSIKKFAGLEG EIGENUTVIKLING***

Dette hovudemnet skal gi studentane innsikt i musikk som kunst- og kulturfag og dekke studentane sitt skapande og gjenskapande arbeid med utøvande disiplinær og lytting.

#### *Delemne*

- eigen musikalitet
- musikkoppleving
- musikk som kunstoffag og estetisk uttrykksform
- vokal aktivitet
- instrumental aktivitet
- rørsle og dans
- lytting
- leiing og instruksjon
- komposisjon og arrangering
- musikkklære og musikkteori

Innanfor dei delemna som er knytte til musikkutøving og lytting, skal studentane arbeide med improvisasjon, komposisjon, arrangering og leiing. Stoffutval skal dekke både ferdigkomponert musikk og studentane sine egne komposisjonar.

### ***Hovudemne 2 : MUSIKK OG SAMFUNN***

I dette hovudemnet vert musikken sett inn i eit samfunnsperspektiv. I vår tid er det viktig å gi barn ein kulturell identitet, og musikk er her ein viktig reiskap. Det vert difor lagt stor vekt på norsk kultur og norsk tradisjonsstoff. Vidare vert det lagt vekt på musikk og kulturstoff frå dei landa som har born representerte i barnehagen.

#### *Delemne:*

- musikken sin funksjon i samfunnet
- musikkhistorisk oversikt
- lokale og nasjonale musikktradisjonar, samiske musikktradisjonar
- musikk i andre kulturar
- musikk og massemedia, påverking, musikkindustri
- lydmiljø i barnehage og nærmiljø
- barnehagen som musikalsk kulturformidlar
- kulturtilbod til barn
- kontakt og samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar

#### *IKT*

Studentane skal få kjennskap til korleis dei kan nytte IKT i arbeidet med musikk i barnehagen. Dei skal få orientering om musikkressursar på nettet og om programvare for barn. Dette skal vere utgangspunkt for sjølvstendige og kritiske vurderingar.

### ***Hovudemne 3 : BARNET OG MUSIKKEN***

I dette hovudemnet vil ein leggje vekt på kunnskapen om barnet si utvikling og uttrykksmåtar innanfor det musikalske området.

*Delemne:*

- lyd og musikk som uttrykk- og kommunikasjonsmiddel
- musikalitet
- musikalsk utvikling
- estetiske prosessar, kreativitet og fantasi
- musikalsk omgrepsutvikling
- musikkoppleving
- musikalsk sosialisering
- born med behov for særskild hjelp og støtte, musikkterapeutiske arbeidsprinsipp.

**Hovudemne 4 : MUSIKKARBEID I BARNEHAGEN**

Dette hovudemnet legg vekt på praktisk arbeid med stoff, arbeidsmåtar og aktivitetsformer som det vil vere naturleg å bruke i musikkpedagogikk arbeid med born. Studieinnhaldet skal også gi eit teoretisk grunnlag for analyse og refleksjon omkring musikkarbeid i barnehagen.

*Delemne:*

- målsetjing for musikkarbeid i barnehagen
- planlegging, tilrettelegging og vurdering av musikkarbeid i barnehagen; vokal, instrumental- og rørsleaktivitet i barnehagen
- lyttesituasjonar i barnehagen, lyttemetodikk
- musikkaktivitetar for born med behov for særskild hjelp og støtte
- fagleg personalsamarbeid, rettleiing og opplæring
- musikk i tverrfagleg samanheng
- vurdering av læremiddel, utstyr og materiell
- musikkpraksis: observasjon av musikalsk utfalding og kommunikasjon, vurdering av born sine høve til musikalsk utfalding, gjennomføring av musikkaktivitetar med born.

**ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR***Generelt*

Studiet vert organisert slik at studentane får kjennskap til og trening i å arbeide med ulike sider av faget: musikk som uttrykks- og opplevingsfag, musikk som orienteringsfag og musikk som reiskapsfag..

Musikalsk utvikling skjer først og fremst gjennom direkte erfaring med musikk, i skapande (utforskning, eksperimentering, improvisasjon, komposisjon), omskapande og gjenskapande aktivitet. Når det gjeld trening av eigen dugleik, vert *song og stemmebruk* lagt spesielt vekt på. Stemma og kroppen er førskulelæraren sitt viktigaste uttrykksmiddel i all formidling og kommunikasjon i barnehagen.

I organiseringa av studietilbodet i dei instrumentale aktivitetane tek ein omsyn til den enkelte studenten sin bakgrunn og interesse, men legg også vekt på den yrkesfunksjonen utdanninga siktar mot. Studentane skal arbeide med akkompagnementsspel, melodispel og samspel.

Eige praktisk musikkarbeid er ein føresetnad for forståing og gjennomføring av metodar i musikkoppsedinga.

Studiet skal gjere studentane kjende med metodar, aktivitetar og formidlingsmåtar som kan brukast i arbeid med born. I tilknytning til dette skal studentane tileigne seg eit personleg repertoar av tekstar, songar, melodiar, dansar og lyttestoff. Norsk stoff vil vere sterkt representert.

Studentane vil få kjennskap til musikk som spesialpedagogisk verkemiddel. Musikalsk leik, samhandling og kommunikasjon har ein viktig funksjon i møtet med born som treng særskilt hjelp og støtte.

*Temaorganisering av undervisninga*

Med utgangspunkt i barnehagen si heilskapstenkjing skal studentane få røynsle med og innsikt i korleis ulike musikkaktivitetar kan knytast nært saman med andre fagområde i dei faglege pedagogiske studia og pedagogisk teori og praksis. Det meste av undervisninga vert difor lagt opp slik at fagstoffet vert samla i ulike *tema*.

Arbeidet med dei ulike tema vert lagd i perioder/blokker der to, tre eller fleire fag er inne samtidig.

Undervisninga vil bli organisert i *storgrupper* med vekt på førelesing av pensumstoff, i *seminargrupper* på 15-20 studentar, der praktiske arbeidsoppgåver vil vere arbeidsforma, og i *basisgrupper* samansett av 4-5 studentar og ein faglærer/rettleiar. Arbeidet i basisgruppene legg opp til studentaktive arbeidsformer med ein faglærer som rettleiar for ei basisgruppe. Kvar temaperiode inneheld arbeidsoppgåver knytt til fagstoff og til praksisfeltet.

Desse skal innleverast og presenterast til fastsett tid. IKT vert eit sentralt verkty i dette arbeidet.

Det er *obligatorisk frammøte og studentdeltaking* til alle seminar og basisgruppetimar.

*Semesterplan* vert utdelt ved semesterstart, og det vert utdelt eigne *temaperiodeplanar* for kvar ny temaperiode.

*Kurs i gitarspel/song og rytmikk*

Parallelt med anna undervisning skal studentane ha eit 10-timars kurs i gitarspel/song og rytmikk .

Kurset vert avslutta med ei individuell *prøve* som vert vurdert med stått/ikkje stått.

Det er *obligatorisk frammøte* til dette kurset.

### *Praksis*

Innanfor delar av hovudområdet *Musikkarbeid i barnehagen* føreset ein eit nært samarbeid med praksisfeltet. Gjennom dette skal studentane få røynsle i korleis musikk kan tilretteleggjast og integrerast i det daglege arbeidet i barnehagen.

I *1.praksisperiode* skal studentane observere, kartlegge og vurdere forhold som er aktuelle for det vidare studiearbeidet med musikkfaget. Grunnlaget for dette vert lagt i perioden før 1.praksisperiode då studentane vil få innføring i fleire aktuelle tema ( m.a.barnehagen som oppvekstmiljø, observasjon, årsplan for barnehagen). Mellom praksisperiodene vert det lagt opp til kontakt med praksisfeltet gjennom oppgåver knytt til praktisk-metodisk verksemd på høghskulen.

I den *2. praksisperioden* vil nokre av studentane få konkrete praksisoppgåver der musikk er kjernefaget. Den endelege utforminga av denne praksisoppgåva vil gå fram av eigen praksisplan.

### *Studieevaluering*

Faglærer skal saman med studentane opprette ei fagkritisk gruppe som skal drøfte saker knytt til desse områda:

- a) Prioriteringar innanfor fagplanen
- b) Val av undervisningsformer
- c) Form, mengd og evaluering av fagkritisk arbeid

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Gjennom arbeidet med oppgåver i studiet skal studenten leggje fram arbeid og få rettleiing og tilbakemelding både frå rettleiar og medstudentar.

Vilkår for å få gå opp til eksamen

- Alle oppgåver som er gitt i kvar temaperiode skal vere leverte/framførte og godkjende.
- Godkjent frammøte og deltaking i samsvar med frammøtereglementet.
- Godkjent kurs i gitarspel/song og rytmikk

### *Eksamen*

Det vert gitt ein samla individuell karakter i faget som byggjer på:

A. Prøve i praktisk musikkarbeid/ formidling. Studenten skal vise til eit eige repertoar av songar, tekstar, lyttestoff, spel og dans som høver i arbeidet med born. Denne prøva kan organiserast som gruppeprøve og tel 50% av sluttkarakteren.

B. Individuell framlegging av oppgåveløysingar gjennom året samla i ei mappe. Her kan studentane vise teoretisk og fagdidaktisk kunnskap, og i minst ei av oppgåvene skal musikk vere regifag/kjernefag. Denne mappa tel 50 % av sluttkarakteren.

## **PENSUM**

Ei liste over pensumlitteratur vil ligge føre i byrjinga av haustsemesteret.

## **NATURFAG M/MILJØLÆRE, 15 STUDIEPOENG (FL105)**

Førskulelærerutdanninga i naturfag med miljølære skal gi naturfagleg kompetanse i pedagogisk arbeid med barn i barnehage, skule og skulefritidsordningar.

Gjennom arbeidet med naturfag får ein høve til direkte kontakt med naturen og naturfenomen. Konkrete opplevingar gir allsidig sansestimulering og undring, forskartrøng, kreativitet og motorikk vert stimulert.

Innsikt i naturfaglege emne, økologi og miljølære vil ha mykje å seie for at barn skal utvikle ei aktiv haldning til miljøproblem. Opplevingar i naturen kan skape eit positivt forhold til naturen, og dermed vere med å utvikle ei aktiv haldning til miljøproblem hos barna.

## **MÅL**

Gjennom studiet skal studentane:

- utvikle glede over og interesse for arbeid med naturfaglege emne.
- utvikle kjennskap til naturfaglege arbeidsmåtar og få innsikt i korleis natur og nærmiljø kan verte brukt i pedagogisk arbeid med barn.
- få innsikt i forholdet barn/natur.
- verte i stand til å legge tilrette eit barnehagemiljø som stimulerer undringa og oppdagergleda hos barn, og som støtter begrepsutviklinga hos barna.

- utvikle innsikt i samanhengane i naturen og forståing for kor nødvendig det er å ta

vare på naturen.

- utvikle kjennskap til årsakene til variasjonar i årstider og døgn og korleis desse verkar inn på levande organismar
- utvikle kunnskapar om sansane våre og korleis dei fungerer.
- utvikle kunnskapar om menneskekroppen og kjenne til symptom og smittevegar ved dei vanlegaste barnesjukdomane, samt få grunnleggjande dugleik i fyrstehjelp.
- utvikle kunnskapar om førebyggjande helsearbeid og få forståing for kva gode helsevanar har å seie for vaksne og barn.
- arbeide med, og leggje til rette for arbeid med barn som har ulike føresetnader (tilpassa opplæring)

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Store delar av undervisninga i andre klassa vert organisert i blokker i tverrfaglege tema, og delemna frå hovudemna vert trekte inn der desse fell naturlege. Fleire delemne vert undervist i eigne fagblokker.

Undervisninga og studiet vert organisert i storgruppe, seminargruppe og basisgruppe.

Studentane må rekne med at ein del av stoffet må takast som sjølvstudium.

Det vert lagt stor vekt på praktisk arbeid, både inne og ute.

Arbeid gjennom året skal studenten samle som mappedokumentasjon, som skal leverast til avtalt tid. Nærare om mappedokumentasjonen kjem i eige skriv ved starten av skuleåret.

Studenten skal få øving i å bruke IKT, td. Internett til å finne fagstoff.

*Tverrfagleg prosjektarbeid i samband med praksis*

I samband med barnehagepraksisen er det lagt inn eit tverrfagleg prosjektarbeid.

("Skapande verksemd/leik og læring", sjå "Generell del").

*Studieevaluering og fagkritisk arbeid*

Studentar og lærarar skal evaluere studiet og opplegg minst 4 gongar gjennom året.

## INNHALD

Studiet i naturfag med miljølære omfattar fem hovudemne som vert vekta om lag likt:

1. NATURAKTIVITETAR, EKSPERIMENT, PLANTER OG DYR I BARNEHAGEN.
2. ØKOLOGI OG MILJØLÆRE.
3. VARIASJONAR I ÅRSTID OG DØGN
4. SANSANE. LYS OG SYN, LYD OG HØRSEL.
5. HELSELÆRE.

*Hovudemne 1 : NATURAKTIVITETAR, EKSPERIMENT, PLANTER OG DYR I BARNEHAGEN*

Hovudemnet skal gi innsikt i grunnleggjande arbeidsmetoder i faget. Turar ut i naturen, forsøk og eksperimentering er difor viktige delar av emnet.

Studentane skal få kunnskap om plante- og dyreliv i ulike biotopar.

Hovudemnet skal også utvikle naturglede gjennom positive opplevingar.

*Delemne:*

- Kunnskap om planter og dyr. Observasjon, innsamling og arts-kunnskap.
- Spor og sportegn
- Spiringsforsøk, stell av planter, akvarium og terrarium.
- Eksperimentprega leik som skal gi røynsler og omgrep om emne som lyd, lys, sansing, luft, vatn og varme.

*Hovudemne 2 : ØKOLOGI OG MILJØLÆRE*

Hovudemnet skal gi grunnleggjande kunnskapar i økologi. Studenten skal få innsikt i korleis økologi- og miljøvernemne kan verte formidla til barn.

Hovudemnet skal gi kunnskapar, dugleik og holdningar i forhold til miljø og natur

*Delemne:*

- Oppbygginga av økosystemet
- Næringsnett og næringskjeder
- Tilpassing til ulike miljø hos planter og dyr



- Mennesket si påverknad på naturen
- Forbruk. Resirkulering, kompostering
- Barn og miljøvern
- Foredlingsprosessar
- Aktuelle miljøproblem

### *Hovudemne 3 : VARIASJONAR I ÅRSTID OG DØGN*

Dette hovudemnet fokuserer på endringar som skjer i naturen, årsakene og korleis dei påverkar livsrytmen til levande organismar.

#### *Delemne:*

- Tidsomgrepet
- Jorda og universet. Sol, måne og stjerner.

Sola som lys- og energikjelde  
Månens verknad på jorda

- Vær og klima, luft og vatn
- Korleis planter og dyr tilpassar seg årstider og døgnvariasjonar.
- Plante- og dyrelivet gjennom året. Trekkfuglar, vinterbiologi.

### *Hovudemne 4 : SANSANE. LYS OG SYN, LYD OG HØRSEL*

Studentane skal få kunnskap og erfaringar om sanseapparatet, med hovudvekt på syn- og hørselsansen.

Det vert lagt vekt på aktivitetar som gjer studentane bevisste på å bruke sansane meir aktivt, og på aktivitetar som eignar seg til sansetrening for barn.

#### *Delemne:*

- Forskjellige lyskjelder
- Fargar, lys og skugge, brytning og refleksjon
- Synet, bygnad og virkemåte
- Svingningar
- Lydstyrke og tonehøgde
- Hørselen, bygnad og virkemåte
- Kjemiske sansar
- Hudsansar

### *Hovudemne 5 : HELSELÆRE*

Hovudemnet fokuserer på førebyggjande helsearbeid. Det vert lagt vekt på kunnskapar om menneskekroppen, kjennskap til vanlege sjukdomar hos barn og korleis ein skal forhalde seg om krisesituasjonar oppstår. Emnet skal og gi studenten eit teoretisk grunnlag som kan lette samarbeidet mellom barnehage og helsepersonell.

#### *Delemne:*

- Menneskekroppen:

Utvalde fysiologiske emne: Skjelett. Muskulatur. Fordøying. Hjerte-, blod og blodkarsystemet, immunapparatet. Respirasjonssystemet. Urinsystemet. Reproduksjonssystemet. Nervesystemet.

- Barnesjukdomar
- Helseføresegner, helsevesenet
- Allergi, astma, inneklima i barnehagar
- Fyrstehjelp
- Giftige planter og dyr
- Ernæringslære

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### *Førekrav*

1. Det er obligatorisk frammøte til gruppearbeid, aktivitetar, feltarbeid og gjennomgåing av anna stoff som ikkje er enkelt å lese på eiga hand. (Sjå «Reglement for studentframmøte ved Høgskulen i Volda»). Frammøtet vert rekna etter timar obligatorisk undervisning.

Ein vil sjå av semesterplanen kva for undervisning som er obligatorisk.

2. To individuelle artskunnskapsprøver vert gjennomførte før eksamen. Desse må være godkjende før ein går opp til eksamen. Om ein ikkje klarer prøva fyrste gongen, er det høve til berre eitt nytt forsøk.

### *Eksamen*

Endeleg karakter i Naturfag m/miljølære vert sett på grunnlag av to komponentar:

1. Mappeeksamen: Arbeid gjennom året vert dokumentert ved innlevering av individuell mappe. Delar av mappa vert trekt ut til vurdering. (vektning 50%)
2. Skriftleg eksamen: Pensum som ikkje let seg gjere å dokumentere ved mappe, vert prøvd ved ein individuell 3 timars skriftleg eksamen. (vektning 50 %)

Karakterer vert gitt etter ein skala fra A til F med A som beste karakter, og E som lavaste ståkarakter.

## PENSUM

Braute, J.N., Bang, C. :Bli med ut! Barn i naturen. Universitetsforlaget, Oslo 1994.  
Dietrichs, E. et al. :Den forunderlige kroppen. Universitetsforlaget, Oslo 1997  
Fischer, U., Madsen, B.L. :Se her!- en bok om barns oppmerksomhet og pedagogens rolle!

Pedagogisk Forum. 2002.

Johansson, S., Furuset, K. :Rundt i naturen 1. Ad Notam Gyldendal, Oslo 1995.  
Johansson, S., Furuset, K. :Rundt i naturen 2. Ad Notam Gyldendal, Oslo 1996.  
Torkildsen, B.V., Tveit, G.I :Forebyggende helsearbeid i barnehage og skole. Univ. Forlaget, Oslo 1995.  
Wedøe, Leif :Fysikkaktiviteter i barnehage og småskole. Cappelen 1997

Kompendier

## NORSK, 15 STUDIEPOENG (FL106)

Denne planen byggjer på «Rammeplan for førskolelærerutdanning», godkjent av Kyrkje-utdannings- og forskingsdepartementet i januar 1995.

## INNLEIING

Norskfaget er eit kulturfag, eit estetisk fag og eit kommunikasjonsfag. Norskstudiet i førskulelærerutdanninga er eit yrkesførebuande studium. Ulike tekstar og sjangrar skrivne for og av barn står sentralt i studiet. Studentane skal arbeide med å utvikle si eiga uttrykksevne munnleg og skriftleg og i ulike sjangrar. Arbeidet i praksisperiodane er og ein viktig del av det fagleg-pedagogiske studiet og utgjer eit viktig utgangspunkt for norskstudiet.

## MÅL

Målet med norskstudiet er

- å gi innsikt i skjønnlitteratur, faglitteratur og andre munnlege, skriftlege og/eller ikt-baserte tekstar for barn
- å gi kunnskap om barn si språkutvikling
- å gi kunnskap om førebuaende lese- og skriveopplæring
- å gi kunnskap om fleirspråklegheit
- å gi studentane føresetnader for å legge til rette for eit variert og godt språkmiljø i barnehagen
- å hjelpe studentane til å bli betre til å skrive og fortelje

## INNHALD

Norsk er eit tekstfag og innhaldet i studiet er samla under tre hovudoverskrifter: *tekststudium*, *teoristudium* og *tekstproduksjon*. I praksis vil desse tre hovudfeltene gripe inn i kvarandre.

*Tekststudiet*

omfattar både munnlege og skriftlege tekstar, klassiske og moderne, for både barn og vaksne, i ulike sjangrar og på nynorsk og bokmål. Skjermtekstar og bilettekstar skal og vere med.

Desse teksttypene vil stå sentralt i studiet:

- tekstar frå moderne barnelitteratur: romanar, forteljingsbøker og dikt for barn
- massekultur for barn frå ulike medium
- tradisjonskultur for og av barn
- talespråktekstar

*Teoristudiet*

skal støtte opp om tekststudiet og gi studenten hjelp til å analysere, tolke, vurdere og produsere ulike typer tekstar.

Sentrale felt vil vere

- tekst- og sjangerkunnskap
- kunnskap om barnelitteratur
- kunnskap om barnekultur
- barn si språkutvikling med vekt på førskulealderen
- førebuande lese- og skriveopplæring
- tekstar frå ulike medium
- fleirkulturelle barn

### *Tekstproduksjon*

skal utvikle studenten sine evner som tekstformidlar og som språkleg modell for barn. Studentane skal få høve til praktisk munnleg og skriftleg bruk av språket. Dette omfattar og praktisk språkbruk i yrkessammenheng. I det munnlege bør studentane få høve til å prøve seg på forteljing, foredrag, framføring og framlegging av fagstoff i ulike samanhengar, t.d. på foreldremøte eller i arbeid med tverrfaglege prosjekt.

I skrift skal studentane lage eigne tekstar individuelt og i gruppe. Dei skal få innsikt i prosesseorientert skriving, og dei skal få trening i tekstanalyse og teksttolking.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Undervisninga vil bli organisert i storgrupper, seminargrupper og basisgrupper. Det er obligatorisk frammøte i seminargrupper og basisgrupper. Det blir lagt vekt på studentaktive læringsformer. Studentane får tilbakemelding fra lærarar og medstudentar på oppgåver. Utdanninga er organisert i tverrfaglege bolkar . Planar for organisering av fagbolkanane får studentane utlevert ved studiestart. Studentane skal skrive i ulike sjangrar etter avtale . Desse arbeida skal samlast i mappe. IKT brukast når det er høveleg.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### *Vilkår for å gå opp til eksamen*

Arbeidskrav omfattar arbeid undervegs i studiet. Desse skal vere godkjende før studenten kan gå opp til eksamen.

Dette gjeld:

- Oppgåver vert gitt i samband med temaperioder.
- Evalueringsform og vektning av oppgåvene ovanfor i forhold til sluttevalueringa vil bli gjort greie for ved studiestart.
- Praksisoppgåva er tverrfagleg og evaluerast med boksavkarakter. Denne oppgåva går inn i praksiskarakteren.
- I løpet av studiet skal studentane framføre minst to munnlege oppgåver i ulike sjangrar. Den eine skal vere ei munnleg framlegging av fagstoff mot slutten av studiet.

Dersom ein student ikkje har fått godkjent obligatoriske arbeidskrav etter andre gongs vurdering, har studenten ikkje høve til å framstille seg for eksamen det semesteret.

### *Eksamen*

Den avsluttande vurderinga i norsk i førskulelærarutdanninga byggjer på to komponentar

1. Ei individuell heimeoppgåve i løpet av studieåret. Oppgåva skal ha eit omfang på ca. 1500 ord og skal skrivast i den målforma som ikkje vert nytta ved skriftleg eksamen(sjå under). Vekting 20 %. Studentar med anna morsmål enn norsk, kan få dispensasjon frå dette kravet (jf. Rammeplanen, s. 91).
2. Ein individuell skriftleg eksamen på 6 timar. Målforma ved skriftleg eksamen skal vere den som ikkje vart nytta i den individuelle heimeoppgåva. Både kunnskapsnivå og framstillingsevne vil bli vektlagt ved vurderinga. Vekting 80 %

Det vert gitt bokstavkarakter etter skalaen A-F, der A - E blir nytta for stått og F for ikkje stått.

## **PENSUM**

Dysthe, Olga et al: *Skrive for å lære. Skriving i høyere utdanning*. Abstrakt forlag, Oslo 2000. Boka er pensum i alle fag på alle årssteg i utdanninga.

Austad, Ingolv (red.): *Mening i tekst*. LNU/Cappelen 1997.

Pedersen, Svein: *Språk og språkutvikling hos barn*. Det Norske Samlaget 1997.

Mjør, Birkeland og Risa: *Barnelitteratur-sjangrar og teksttypar*, Cappelen akademiske, 2000

Tekstkompendium for førskulen. Eventyr, segn og fabel. Rim, regler og dikt.

Biletbøker: 6 verk

Romanar og forteljingsbøker for barn og ungdom: 5 verk

Dikt, rim og regler: Om lag 50 sider (også frå barns eigen produksjon), sjå tekstkompendium

Eventyr og segner: 10 tekstar (både tradisjonsstoff og kunsteventyr), sjå tekstkompendium

Skjønnlitteratur for vaksne: 2 verk

Ein barnefilm

Eit utval fjernsyns- og radioprogram for barn

Eit utval teikneseriar for barn

Cd-rom for barn

## RELIGION OG ETIKK, 12 STUDIEPOENG (FL104)

Faget Religion og etikk står i nær samanheng med *Lov om barnehager*, § 1, 2. avsnitt, der det heiter: "*Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier*". Gjennom desse felles verdier skal barna tileigna seg ein basiskompetanse for å møte framtidssamfunnet (Rammeplan for barnehagen s 17-18). Både *Rammeplan for førskulelærerutdanning* (s 93) og *Rammeplan for barnehagen* (s 43-44) legg vekt på at grunnleggjande livssynsspørsmål høyrer med til ein allsidig personlegdomsutvikling og ei heilskapleg oppseding. Difor må religiøse, livssynsmessige og etiske spørsmål allmenngjerast overfor barn, og relaterast til kvardagen deira. Studiet må difor hjelpe førskulelæraren til ei avklaring av rolla som oppdragar, kultur- og verdiformidlar. På denne måten står faget i samanheng med rammeplanen sitt overordna sikte: kulturformidling.

Faget får eit tyngdepunkt i norsk kulturtradisjon med lange og sterke røter i kristendomen. Grunnleggjande kristne verdier, knytte til sentralt stoff i Bibelen, vil utgjere ein viktig del av studiet. Samstundes er vårt samfunn i aukande grad eit fleirkulturelt samfunn. Barna har ulik religiøs og kulturell bakgrunn som førskulelæraren bør ha kunnskap om, med tanke på å skape vidsyn, respekt og toleranse mellom menneske.

Fagstudiet skal omfatte pedagogiske og metodiske drøftingar med vekt på å utvikle praktisk dugleik i høve til yrkesrolla, inkludert dei særlege utfordringar som 6-åringar i skulen og skulefritidsordningar stiller førskulelæraren overfor.

### MÅL

Rammeplanen har som mål for dette faget at studentane skal

Tileigne seg kunnskap om

- barna sine føresetnader i møte med religiøse og livssynsmessige verdier
- sentrale element i kristen tru og kulturarv
- innhald og uttrykksformer i ulike religionar og livssyn
- grunnlagsproblem i etikken

Utvikle haldningar til:

- eigen verdiforankring og faktorar som påverkar barna sine verdival
- kristendomen som basis for personleg identitet og kulturell identifikasjon i samfunnet vårt
- verdien av vidsyn, respekt og toleranse i møte med barn og vaksne med ulik kulturell og livssynsmessig bakgrunn
- praktisk-etiske vurderingar i barnehagekvardagen

Utvikle dugleik i å:

- gi pedagogisk grunnleggjande og tilpassa rettleiing av barn i religiøse og livssynsmessige spørsmål
- formidle sentral kristen tru og tradisjon i barnehagen, og vurdere eigna hjelpemiddel og arbeidsmåtar
- leggje til rette barnehagen si verksemd slik at barn med ulik religiøs og livssynsmessig bakgrunn kan få støtte for sin kulturelle eigenart
- møte etiske utfordringar av ulik art i barnehagen sitt kvardagsliv

### ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER (3. klasse)

Det er eit mål å sikre god samanheng mellom dei ulike emna i studiet og mellom mål og innhald, og å ta vare på eit tverrfagleg perspektiv. Arbeidsformene som vert nytta, skal gi impulsar og vere relevante i forhold til førskulepedagogisk arbeid, og øve opp evna til formidling overfor barna, foreldra og medarbeidarar.

*Forslag til emne for fleirfagleg samarbeid*

Modellen for førskulelærerutdanninga i Volda gjer det naturleg med eit samarbeid med Pedagogisk teori og praksis (3. studietår). Med dette utgangspunktet har vi følgjande mål for samarbeidet

1. Å klargjere ulike syn på menneske, kunnskap og verdier i utdanninga.
2. Å klargjere konsekvensar av ulike syn på barndom og oppseding i utdanning og i samfunnet.

*Aktuelt tema*

- Barnehagen som kulturformidlar
- Faget Religion og etikk vil ta opp
  - Kulturelt mangfald i livssynsperspektiv
  - Tru og kultur i nyare norsk kristendomshistorie
  - Bibelforteljingar sin plass i norsk kultur

**ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER (1. klasse)**

Undervisninga vil i stor grad bli organisert i tverrfaglige tema. Slike tema vert lagde i periodar/blokker. Einskilde emne i faga kan bli lagde til eigne tidsavgrensa kurs. Undervisninga vil bli organisert i storgruppe med vekt på vanleg førelesing av pensumstoff, i seminargrupper på 15 - 20 studentar, der praktiske arbeidsoppgåver vil vere arbeidsforma. Det tredje nivået er basisgrupper, samansett av 4 - 5 studentar og ein faglærer/rettleiar. Arbeidet i basis-gruppene legg opp til studentaktive arbeidsformer, med ein faglærer som rettleiar for ei basisgruppe. Kvar temaperiode inneheld arbeidsoppgåver knytt til fagstoff og praksisfeltet og som skal innleverast og presenterast til fastsett tid. IKT vert eit sentralt verkty i dette arbeidet.

Det er obligatorisk frammøte og studentdeltaking til alle seminar og basisgruppetimar. Nokre storgruppetimar vil òg ha obligatorisk frammøte. Opplysning om dette vert gjeve ved semesterstart.

**INNHALD**

Studiet av religion og etikk omfattar fire hovudemne: 1. Religionspedagogikk og religionspsykologi, 2. Kristen tru og tradisjon, 3. Allmenn religions- og livssynskunnskap, 4. Etikk.

Hovudemna skal vektleggjast likt. Undervisninga i religionspedagogikk, didaktisk analyse og metodisk tilrettelegging skjer i tilknytning til studiet av dei andre hovudemna.

***Hovudemne 1 : Religionspedagogikk og religionspsykologi***

Det er ei viktig religionspedagogisk oppgåve å bidra til at barn kan få ein allsidig og heilskapleg modning som på ein naturleg måte inkluderer religiøse, livssynsmessige og etiske perspektiv.

*Delemne:*

Religion og livssyn innanfor ei heilskapleg personlegdomsutvikling . - Barna sine religiøse og livssynsmessige førestillingar og spørsmål. - Pedagogisk mandat og foreldresamarbeid.- Tilhøvet mellom formidling og forkynning. - Formidling av jul, påske og pinse i barnehagen.

*Emne for didaktisk drøfting*

Årsplanlegging i forhold til grunnleggande verdiar i barnehagen. - Presentasjon, vurdering og praktiske øvingar i bruk av læremiddel som formidlar religiøst og livssynsmessig innhald.

***Hovudemne 2: Kristen tru og tradisjon***

I vårt land er det naturleg at den evangelisk-lutherske kristendomsforståinga utgjer grunnlaget for kristendomsstudiet. Men det er også viktig å understreke mangfaldet i norsk kristenliv ved å inkludere et studium av andre trussamfunn.

*Delemne:*

Hovudliner og forteljingar i Bibelen: Jesu liv og gjerning. - Kristen truslære: skaping, frelse og kyrkje. - Kyrkja i lokalsamfunnet. - Kyrkjeleg mangfald - Dei kristne høgtidene - bakgrunn og innhald. - Døden og det kristne framtidshåpet.

*Emne for didaktisk drøfting*

- Tryggleik og glede som mål i oppsedingsarbeidet

***Hovudemne 3 : Allmenn religions- og livssynskunnskap***

I det norske samfunnet er kristne og allmenne humanistiske verdiar ofte fletta inn i kvarandre. Den kristne kulturarven må vurderast i dialog med andre livssyn og religionar som i aukande grad bidreg til å utforme barna sitt oppvekstmiljø.

*Delemne:*

Haldningar til barn og familie, heim og kvardagsliv, skikk og bruk, undervisning og oppseding i ulike religionar og livssyn. - Eit utval verdsreligionar. - Eit utval sekulære livssyn.

*Emne for didaktisk drøfting*

Religiøse og livssynsmessige konflikter og konfliktløsning. - Integrering av andre livssyn og religionar i barnehagen.

***Hovudemne 4. Etikk***

Mennesket sine etiske normer byggjer på religiøse, kulturelle og livssynsmessige verdiar. Studiet av etikken må difor

leggje vekt på kva slag etiske konsekvensar som ein kan trekke av ulike religionar og livssyn. Undervisninga i etikk bør omfatte både etisk rettleiing av barn og allmenne problemstillingar.

*Delemne:*

Innføring i grunnlagsproblem i kristen etikk og andre etiske system. - Etikk som uttrykk for grunnleggjande religiøs og/eller livssynsmessig forankring. - Etske problemfelt i barnas oppvekstmiljø. - Barnehagens etiske ansvar i samanheng med omsorgssvikt og mishandling av barn.

*Emne for didaktisk drøfting*

"Fellesverdier" og "basiskompetanse" (Rammeplan for barnehagen s 16-18) som ramme for formidling av etiske haldningar i barnehagen og til 6-åringane i skulen. - Religiøse, livssynsmessige og etiske konflikter som kan oppstå mellom barn, mellom barnehage og foreldre, og mellom kollegaer.

- Kristen grunngeving for barnet sin eigenverdi og rettane til barnet.

## VURDERING OG EKSAMEN (3. klasse)

*Frammøte*

Det er obligatorisk frammøte til ein undervisningsbolk (6-8 dobbeltimar) i emnet Religionspedagogikk

*Prosjektarbeid*

Saman med Pedagogisk teori og praksis vil Religion og Etikk ha eit prosjektarbeid som vert vurdert.

*Eksamen*

Føresetnad for å kunne avlegge eksamen er at studenten har stetta krava til frammøte, og fått prosjektarbeidet vurdert med ståkarakter.

Mot slutten av studiet vert det ein 6 timars skriftleg individuell eksamen. Denne skal måle studenten sitt nivå innan alle hovudemne.

## VURDERING OG EKSAMEN (1. klasse)

Gjennom arbeidet med oppgåver i studiet skal studenten leggje fram arbeid og få rettleiing og tilbakemelding både frå rettleiar og medstudentar. Slik vil vurdering vere ein viktig del av arbeidsmåten.

*Vilkår for å gå opp til eksamen/forprøve*

Alle oppgåver som er gitt i kvar temaperiode skal vera leverte og godkjende.

Frammøte og deltaking skal vere godkjent i samsvar med frammøtereglementet.

*Avsluttande vurdering*

Det vert gitt ein samla individuell karakter i faget som byggjer på:

- Individuell innleveringsoppgåve. Dette tel 50 % av sluttkarakter.
- Individuell skriftleg eksamen i 4 timar. Denne tel 50 % av sluttkarakter.

*Karakter*

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## PENSUM

Eidhammar, Levi Geir og Leer-Salvesen, Paul: *Nesten som deg selv. Barn og etikk*. Høyskoleforlaget 2. utg. 2000.

I tillegg: utvalgte sider av: Mæland, Jens Olav: *På livets side. Kristen etikk i perspektiv*. Luther forlag 1993.

Redse, Arne: *Mennesket i Guds verden. Kristen tro og livsolkning*. Fagbokforlaget 1999.

Sødal, Helje Kringlebotn: *Barn med ulik tro. Møte med livssynsmangfoldet i skole og barnehagen*. Høyskoleforlaget 2000.

Sødal, Helje Kringlebotn: *Kristen tro og tradisjon i barnehagen*. Høyskoleforlaget 1999.

Wirgenes, Paul Erik: *Vil du trøste meg, Gud? Barn og Sorg*. IKO-Forlaget 2000.

Aadnanes, Per Magne: *Livssyn*. (utdrag) com.pendius 2000

Det er venta mindre endringar i pensum, og dette vil vere klarlagt til semesterstart. Studentane vert difor oppmoda om å vente med å skaffe nødvendig litteratur.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **BACHELORSTUDIUM I MEDIA, IKT OG DESIGN**

- [Omfang og nivå](#)
- [Målgruppe](#)
- [Opptakskrav og kompetanse](#)
- [Mål/læringsmål](#)
- [Innhald og oppbygging av studiet](#)
- [Arbeids- og undervisningsformer:](#)
- [Vurderingsformer](#)
- [Evaluering](#)
- [Pensumlitteratur](#)
- [Første studieår](#)
  - [Medievitskap - medier og kommunikasjon](#)
  - [Innføring i IKT og praktisk medieproduksjon](#)
  - [Mediedidaktikk og formgiving - 15 studiepoeng](#)
- [Andre studieår](#)
  - [SMF/PBI - IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT - 15 studiepoeng](#)
  - [Visuell kommunikasjon - 15 studiepoeng](#)
  - [NoK Nettverk og kommunikasjon - 15 studiepoeng](#)
  - [StV Stor vev - 9 studiepoeng](#)
  - [Fordjupingsoppgåve - 6 studiepoeng](#)
- [Tredje studieår](#)
  - [Undervisningsretta bachelorløp](#)
  - [Fagretta bachelorløp](#)
  - [Bransjeretta bachelorløp](#)
  - [Tverrfaglege valfrie fordjupingsmodular, gitt til alle tre spesialiseringsområda:](#)

## BACHELORSTUDIUM I MEDIA, IKT OG DESIGN

### Omfang og nivå

Studiet er ei grunnutdanning på 180 studiepoeng.

### Målgruppe

Studiet er eit tverrfagleg studium med eit didaktisk fokus der ein kombinerer teoretiske, analytiske, tekniske og praktiske tilnæringsmåtar. Målgruppe er studentar med interesse for både formidlingsmessige, tekniske og estetiske sider ved bruk av ulike medier og IKT. Studiet er særleg retta mot studentar som vil arbeide med medie- og IKT-relaterte oppgåver i grunn- og vidaregåande skule.

### Opptakskrav og kompetanse

Opptakskrav er generell studiekompetanse. Søkjarar som er 25 år eller eldre kan også bli tekne opp på grunnlag av realkompetanse etter nærare reglar for Høgskulen i Volda.

Studiet gir kandidatar didaktiske, teoretiske og praktiske kunnskapar innan mediefeltet, med teknisk fordjuping i informasjons- og kommunikasjonsteknologi og design. Studiet gir vidare teoretisk og praktisk kunnskap i formidling og informasjonsstrukturering gjennom undervisnings- og bransjeretta praksis. Kandidatane blir kvalifisert for ei lang

rekkje oppgåver innan undervisning, opplæring og brukarstøtte i skuleverket og i det offentlege og private næringsliv. Gjennom eitt års påbygging kan studiet gi fast tilsetjing i skuleverket. Studiet gir ingen formell kompetanse i grafisk design og formgiving, men vil styrke realkompetansen på dette fagfeltet.

## Mål/læringsmål

Det primære formålet med studiet er å gi kandidatar ei brei yrkesretta utdanning for undervisningsrelaterte og informasjonstekniske oppgåver knytt til medie-, IKT- og informasjonsarbeid i skuleverket, offentleg sektor og i næringslivet. Utdanninga skal også, ut frå spesialisering, kunne kvalifisere for opptak til mastergrad innan disiplinfag. Gjennom eitt års påbygging gir studiet grunnlag for fast tilsetjing i skulen.

Studiet er knytt opp til avdeling for lærarutdanning og byggjer på rammeplanar for mediekunnskap og IKT for lærarar. Studiet har såleis eit didaktisk retta fagleg fokus. Gjennom studiet skal studentane få innsikt i undervisningsrelaterte fagfelt, både i teori og praksis. Studiet skal medverke til at mediefag og informasjons- og kommunikasjonsteknologi vert integrert som ein naturleg del av opplæringa i grunnskule og vidaregåande opplæring, og som ein del av førebuinga til livslang læring og til fullverdig funksjon i arbeid og fritid. Media og informasjons- og kommunikasjonsteknologi får ein stadig breiare plass i samfunnet. Dette gir seg også utslag i skulen. Studiet skal gi eit grunnlag for å nytte medietekniske virkemiddel i ulike fag. Det legg også stor vekt på bruk av ulike medium i skulen sin kvardag og vår pedagogiske tradisjon, språkleg, kulturelt og didaktisk.

Å skape innsikt i korleis massemedia og IKT fungerer på individ- og samfunnsnivå er ein viktig del av studiet, og studentane skal utvikle eit aktivt og medvite forhold til eigen og andre sin medie- og IKT-bruk. Studenten skal tileigne seg

- eit teoretisk og praktisk grunnlag for å forstå den rolla media og IKT spelar i samfunnet og for kvart einskild individ
- grunnleggjande innsikt i korleis medieorganisasjonane er bygde opp og fungerer
- innsikt i media si rolle i lærings- og sosialiseringssprossar
- innsikt i korleis media og IKT fungerer som kulturformidlarar og kulturskaparar
- innsikt i korleis ein kan legge til rette for mediedidaktisk arbeid i og utanfor skulen
- praktisk kunnskap i å lage egne medieprodukt
- evne til didaktisk refleksjon over bruk av teknologi i planlegging og gjennomføring av undervisning.

Studiet skal gi innsikt i eit designomgrepet knytt til ulike medium, og som omfattar ulike sider ved formgiving. Dette omfattar teknisk formgiving - programmering/komposisjon og informasjonsdesign, visuell formgiving - estetikk og uttrykksdesign, og interaksjonsformgiving - formidling og funksjonelt design, men også formgiving av innhald koplta til informasjonsmål, målgruppe og medium.

## Innhald og oppbygging av studiet

Studiet skal i utgangspunktet femne om alle typar medium, men både i dei teoretiske og praktiske delane av studiet vil det bli lagt særleg vekt på nye elektroniske og nettbaserte medier. Fagfeltet er inne i ei rask utvikling og krev stadige oppdateringar av innhald i studiet. Studiet inneheld modular som er knytt til ulike avdelingar ved høgskulen. Sjå dei einskildte fagomtalane av modulane for avdelingstilknytning. Ved eventuelle endringar i modulane gjeld avdelingane sine omtalar av fagplanen.

Modulane går i hovudsak går over eitt semester, men nokre strekk seg over eit heilt studieår. Heile studiet er på 180 studiepoeng (stp), med ei mogleg 60 stp påbygging for studentar som ønskjer undervisningskompetanse. Studiet har vidare spesialisering i 3.året som gir ulik kompetanse retta mot skuleverk, vidare studier eller næringslivet. Spesialiseringa skal spesifiserast i utdanningsplanen som studenten skal inngå med utnemnt rettleiar første semester i studiet. Utdanningsplanen kan etter nærare reglar reforhandlast kvart semester.

Det er høve til å søkje om fritak frå einskildmodular på grunnlag av tilsvarande eksamenar tekne ved andre høgare utdanningsinstitusjonar.

Omtale av kvar modul følgjer som vedlegg til studieplanen.

Grunna pågåande utvikling knytt til reforma i lærarutdanningane frå 2003, samt utviklinga av VK2 i medier og kommunikasjon i vidaregåande skule, er det ikkje på noverande tidspunkt mogleg å gjengi ferdigutvikla valfrie modular i studiets tredje år. Desse modulane vil bli tilpassa både ytre krav til spesialiseringar og studentane sine ynskjer.



**Oppbygginga av dei første to åra i studiet kan framstillast slik:**

Haust - 1. semester	Vår - 2. semester	Praksis
Medievitskap I: Medier og kommunikasjon (15stp)	Medievitskap II: Medier og kommunikasjon (10 stp)	
Innføring i IKT og praktisk medieproduksjon (eigenproduksjon) (20stp)		
Mediedidaktikk og formgiving (15 stp)		

Haust - 3. semester	Vår - 4. semester	Praksis
Pedagogisk bruk av IKT (15 stp)	Nettverk og kommunikasjon (15 stp)	
Visuell kommunikasjon (15 stp)	Stor vev (9 stp)	
Valfri fordjuping knytt til 15 stp-modulane - prosjektarbeid (6 stp)		

3. året har ulike spesialiseringar som gir ulik kompetanse - start tidlegast hausten 2003:

**1. Undervisningsretta bachelorløp**

Undervisningskompetanse krev p.t. eitt uspesifisert påbyggingsår ut over 3-årig bachelor. Grunna reforma i all lærarutdanning frå 2003 er denne skissa mellombels.

Haust - 5. semesteret	Vår - 6. semester
Valfri fordjuping i tekst/lyd/bilde (15 stp)*	
Pedagogisk teori og didaktikk med undervisningsretta bachelor/utviklingsoppgåve knytt til fordjuping og skulepraksis (45 stp)	

**2. Fagretta bachelorløp**

Haust - 5. semester	Vår - 6. semester
Utteksling tilsvarande mellomfagstillegg i medievitskap/IKT (20-30 stp)	Valfri fordjuping i tekst/lyd/bilde med bacheloroppgåve knytt til fordjuping og portefølje (totalt 30 - 40 stp)*

**3. Bransjeretta bachelorløp**

Haust - 5. semester	Vår - 6. semester
Valfri fordjupning i tekst/lyd/bilde med bransjepraksis (30stp)*	
Offentleg informasjon (15stp)	Bacheloroppgåve knytt til praksis og portefølje (15 stp)

**\* Tverrfaglege valfrie fordjupingsmodular (15 stp)**

Tilbodet vil vere prosjektorientert og bli tilpassa både ytre krav til spesialiseringstilbod og studentane sine ynskjer. Tema er såleis ikkje endeleg planfeste, men følgjer her som framlegg til valmodular (sjå fagomtale).

- A) Meta-design/Holdningskampanje/Portfolio
- B) Tekst - språk og informasjonsdesign
- C) Film og didaktikk

**D) Tilsvarande utveksling/utlandsopphald**

Andre moglege valfrie modular, avhengig av ny lærarutdanning og VK2 i vidaregåande skule (utvikling hausten 2002):

- Bilde/fotodesign

- Animasjon (Flash)  
eller
- Musikk/Lyddesign

## **Arbeids- og undervisningsformer:**

Arbeids- og undervisningsformer i studiet omfattar:

- Førelsningsar
- Øvingar i datalabb med rettleiing
- Teoriøving i grupper med rettleiing
- Større prosjektarbeid individuelt og i grupper
- Mindre prosjektoppgåver som del av modular
- Praksis
- Sjølvstudium

Den timeplanfesta undervisninga vil normalt verte lagt mellom kl 8.15 og 16, måndag til fredag. I tillegg kan det vere aktuelt å avvikle nokre utvalde einskildtimar eller konsentrerte kurs på kveldstid eller laurdag. Datoar og klokkeslett for ev. kvelds- eller helgeundervisning vil gå fram av semesterplanen.

Dei praktiske delane av studiet vil truleg bli avvikla som konsentrerte kurs over ein avgrensa periode.

## **Vurderingsformer**

Karakteren i dei fleste modular blir fastsett ut frå vurdering undervegs. Vurderingsformene er presisert i modulomtalane under. Studiet blir både vurdert med stått/ikkje stått og bokstavkarakterar. Bokstavkarakterar blir gitt frå A til F, der E er lågaste ståkarakter. Vurderingar i modulane inngår i ei samla portefølje som studenten sjølv set saman etter nærare reglar. Portefølja er saman med ein munnleg presentasjon grunnlag for den endelege sluttvurderinga av studiet.

## **Evaluering**

Ein vil sikre eit godt læringsmiljø og studiekvalitet både gjennom kartlegging, god kommunikasjon og oppfølging av studentane som gruppe og individ.

Kvar student får ved studiestart tildelt ein utdanningsrettleiar etter nærare retningslinjer.

Studiet skal ha fagutval for studiekvalitet i følge Handlingsplan for studiekvalitet ved HVO med studiekoordinator, faggruppe og studentrepresentantar med vararepresentantar. Fagutvalet skal arbeide for å sikre eit godt læringsmiljø i studiet, sikre best mogleg kvalitet på undervisninga og praksistilbod - og arbeide for eit godt studie- og studentmiljø.

Kvar modul blir i tillegg evaluert enten gjennom individuell skriftleg studentevaluering eller gruppesamtale med faglærer eller utdanningsrettleiar. Dette arbeidet skal legge grunnlag for evaluering og revidering av studieplan i studiet sitt fagutval.

## **Pensumlitteratur**

Studiet har følgjande grunnbok:

Schwebs, Ture og Otnes, Hildegunn (2001): *tekst.no. Strukturer og sjangrer i digitale medier*. Oslo: LNU. Cappelen Akademiske Forlag.

Pensumliste for kvar modul følgjer som vedlegg til studieplanen der dette er klart. Endringar vil bli opplyst ved studiestart i dei enkelte modulane.

# **Fagomtalar med litteratur**

## **FØRSTE STUDIEÅR**

Første studieår byggjer på årseining i Mediekunnskap, samt første modul i årseininga IKT i lærarutdanninga (INF - 15 studiepoeng).

Fagplanen byggjer på Rammeplan for mediekunnskap, første og andre halvårseining (Lærarutdanningsrådet/KUF 1986), samt Rammeplan for IKT i lærarutdanninga av 02.06.1997.

## **Medievitskap - medier og kommunikasjon**

Modulane i medievitskap blir gitt av avdeling for mediefag (AMF).

### *Mål*

Medievitskap er eit tverrfagleg studium som kombinerer teoretiske og analytiske tilnæringsmåtar. Målet for faget medievitskap er å gi ei innføring i studiet av medie- og kommunikasjonsformene i dagens samfunn. Dette betyr at studentane skal få kjennskap til både medias historiske og samfunnsmessige vilkår og funksjonar i eit heilskapsperspektiv, samt dei einskilde media sine spesielle eigenskapar. Medievitskap er lagt til rette slik at ein nyttar samfunnsvitskapelege, kulturvitskapelege og humanvitskapelege perspektiv for å gi kunnskap studentane kan nytte i grunnutdanningane. Faget skal gi studentane eit teori- og kunnskapsgrunnlag som er relevant for å tolke, analysere og forstå ulike sider ved media og deira rolle i samfunnet.

### *Innhald og organisering*

Faget inneheld ei innføring i teori og forskning knytt til medievitskap. Sentrale emne er forholdet mellom media og samfunn, yringsfridom og demokrati, mediehistorie, medieinnhald og media sitt publikum. Faget blir gitt av avdeling for mediefag og undervisninga er felles med denne avdelinga sine studentar.

### **Medievitskap I - 15 studiepoeng**

#### *Omfang:*

15 studiepoeng

#### *Innhald:*

Kurset startar normalt om hausten. Det gir ei første innføring i medievitskap, dei einskilde massemedias utvikling og grunnleggjande omgrep i språk, kommunikasjon, bilde og film for å gjøre studentane i stand til å forstå medias rolle i samfunnet. Studentane får obligatoriske oppgåver.

#### *Undervisning*

Undervisninga i teorikurset Medievitskap I vil vere forelesingar i storgruppe på 120-150 studentar. I tillegg skal studentane skrive 2 oppgåver med utgangspunkt i emne frå dette teorikurset. Oppgåveemne og fristar vil gå fram av semesterplanen.

#### *Vurderingsformer:*

Det er ikkje obligatorisk frammøte til undervisninga i medievitskap, men innleveringsoppgåva er obligatorisk arbeidskrav.

#### *Oppgåver i medievitskap*

Alle obligatoriske oppgåver i medievitskap må vere godkjende før studenten kan gå opp til eksamen.

### **Eksamen**

#### *Medievitskap 1 (15 sp)*

I dette kurset skal det skrivast to individuelle oppgåver. Den første oppgåva (maksimum 6 sider). vert lagt i ei vurderingsmappe Oppgåvesvaret kan omarbeidast etter vurderinga. Den andre oppgåva (maksimum 6 sider) blir gjeve som ei to-dagers heimeoppgåve. Begge oppgåvene går inn i den samla vurderinga av mappa. Vurdering: Samla bokstavkarakter

### **Pensum**

Pensumlista er rettleiande. Pensum er under revisjon og endelege pensumlister blir delte ut ved starten av kvart semester.

#### *Innføring:*

Gripsrud, Jostein: "Introduksjon" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000

Østbye, Helge og Ture Schwebs: *Media i samfunnet*, Oslo 1995

#### *Medier - kultur og samfunn:*

Johansen, Anders: *Medievitskap 4: Medier - kultur og samfunn*. Bergen 1999.

#### *Språk og analyse:*

Eriksen, Geir: *Fortellerteknikk og dramaturgi for film og fjernsyn*, Sandvika 1988.

Gripsrud, Jostein: "Semiotikk", "Hermeneutikk" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000

Hausken, Liv: "Dokumentarfilm" i i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 2: Medier - tekstteori og tekstanalyse*. Bergen 1999.

Larsen, Peter: "Bildeanalyse og billedspråk" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 2: Medier - tekstteori og tekstanalyse*. Bergen 1999.

#### *Enkeltmedium / mediehistorie:*

Bordwell, D and K. Thompson: "Part V: Film History", i *Film Art. An Introduction*, New York 1993

Halse, Ketil Jarl: *Radiojournalistikk mellom teknikk og politikk*, kap 1-6 og 9-10. Volda 1998.

Liestøl, Gunnar: "Fra Memex til WWW" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.

Ottosen, Rune: *Fra fjærpenn til Internett*, s26-35 og 384-411. Oslo 1996.

Strøm, Gunnar: *Musikkvideo*, s. 7-86, Oslo 1989

### **Medievitenskap II - 10 studiepoeng**

#### *Innhald*

Kurset tar til om våren, og byggjer på og er konsentrert om massekommunikasjonsprosessen, media si rolle i samfunnet og media sitt publikum. Det kan bli gitt obligatoriske oppgåver i løpet av kurset.

#### *Undervisning*

Undervisninga i teorikurset Medievitenskap II vil vere forelesingar i storgruppe på 120-150 studentar.

#### *Vurdering*

Medievitenskap II bygger på Medievitenskap I , og blir avslutta med ein individuell 6-timars skriftleg eksamen som omfattar pensum i Medievitenskap I + II.

#### *Pensum*

Pensumlista er rettleiande. Pensum er under revisjon og endelege pensumlister vert lagde ut ved starten av kvart semester.

#### *Media i samfunnet:*

Bastiansen, Henrik & Trine Syvertsen: "Toward a Norwegian Television History", i Francesco Bono & Ib Bondebjerg: *Nordic television. History, Politics and Aesthetics*, København 1994

Gripsrud, Jostein: "Offentlighet og demokrati", "Kringkastingsmediene" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000

Sejerstedt, Francis: "Ytringsfriheten og informasjonsfriheten" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.

Syvertsen, Trine: "Kommersialisering av kringkasting: Kritisk mangfold eller konformitet?", i Terje Edvardsen (red): *Media og samfunnsstyring*, Bergen 1994

Østbye, Helge: "Mediepolitikk" og "Norsk mediestructur i dag" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 1: Medier - institusjoner og historie*. Bergen 1999.

#### *Publikum: mediebruk og påverknad:*

Gentikow, Barbara: "Pornografi" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 3: Medier og brukere*. Bergen 1999.

Gripsrud, Jostein: "Påvirkning" og "Forskjeller: sosiale skiller, livsstil og smak" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000

Hagen, Ingunn: *Verda på skjermen*, kap 3-6. Oslo 1998.

Waldahl, Ragnar: "Medier og påvirkning" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.

Østbye, Helge: "Barn og medier" og "Vold" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 3: Medier og brukere*. Bergen 1999.

#### *Språk og analyse:*

Gripsrud, Jostein: "Retorikk" og "Narratologi" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000

### **Innføring i IKT og praktisk medieproduksjon**

#### **INF Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi - 15 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for lærarutdanning.

*Omfang:*  
15 studiepoeng

*Forkunnskap:*  
Studenten bør ha eit grunnlag i bruk av standard IKT-verktøy og elektroniske læremiddel som tilsvarer det innføringskurset (25 timar) som vert tilbydd studentar i allmennlærerutdanninga.

*Målsetting:*  
Modulen tek opp grunnleggjande emne innan IKT og skal setje studentane i stand til å bruke IKT som ein effektiv reiskap i sin eigen kvardag. Dette er retta mot undervisning, eigenutvikling og administrativt arbeid.

*Innhald:*

- Konfigurering av utstyr og programvare
- Operativsystem med nettverk og vedlikehald under Windows
- Lyd- og biletebehandling, redigering og ulike format
- Rekneark, simulering og diagram
- Tekstbehandling
- Internett, kommunikasjon og informasjonsdeling
- Hypermedia
- Publikasjon på skjerm
- IKT og personvern
- IKT og opphavsrett

*Undervisningsformer:*

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til skule og opplæring. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

*Vurdering og eksamen*

Gjennom denne modulen vil det bli gitt 6 obligatoriske oppgåver. Tre av desse vil bli valt ut til vurdering etter nærare retningsliner gitt ved studiestart. Oppgåvene har lik vektning og får samla bokstavkarakter.

*Litteraturliste: (Førebels)*

*Det vil seinare bli spesifisert kva kapittel av bøkene i lista som skal med i pensumlista.*

Schwebs, Ture og Otnes, Hildegunn (2001): *tekst.no. Strukturer og sjangrer i digitale medier*. Oslo: LNU. Cappelen Akademiske Forlag.

PC for dummies (Dan Gookin) ISBN 82-7772-099-8

Innføring i databehandling ( Ivar J. Aasen m.fl.) ISBN 82-518-3598-4

Les mer om Microsoft Excel 2000 (DataPower Learning) ISBN: 82-477-0453-6

Les mer om Microsoft Word 2000 (DataPower Learning) ISBN: 82-477-0452-8

Digital Bildbehandling (Astrid Haugland) Pagina forlag, ISBN 91-636-0682-8

Lyd på PC (Terje Hanssen)

Internett i skolen. Etikk og jus. (Tove Hauge & Morten S. Hagedal) Nasjonalt læremiddelsenter 2000. ISBN-82-486-0500-0 - Eller på nettet: [http://skolenettet.ls.no/etikk\\_jus/](http://skolenettet.ls.no/etikk_jus/)

Opphavsrett - en introduksjon. (Olav Torvund) <http://www.torvund.net/artikler/art-opphav.html>

Lov om opphavsrett til åndsverk. <http://www.lovdato.no/all/hl-19610512-002.html>

Lov om behandling av personopplysninger. <http://www.lovdato.no/all/hl-20000414-031.html>

***Praktisk medieproduksjon - 5 studiepoeng***

*Omfang:*  
5 studiepoeng

*Innhald*  
Grunnleggjande innføring i produksjon av radio, video, avis og animasjon, der studentane vel minst 2 av desse emna.

Innføring i IKT med biletbehandling og webproduksjon blir dekt i modulen *Innføring i Informasjons- og kommunikasjonsteknologi* omtala over. Det er formelt krav om obligatorisk deltaking i praktisk medieproduksjon.

### *Undervisning*

Dei praktiske delane av studiet vil truleg bli avvikla som konsentrerte kurs over ein avgrensa periode. Den timeplanfesta undervisninga vil normalt verte lagt mellom kl 8.15 og 16, måndag til fredag. I tillegg kan det vere aktuelt å avvikle nokre utvalde einskildtimar eller konsentrerte kurs på kveldstid eller laurdag. Datoar og klokkeslett for ev. kvelds- eller helgeundervisning vil gå fram av semesterplanen.

Det er obligatorisk deltaking på kursa og produksjon av nokre enkle medieprodukt.

### *Vurdering*

Mappe med alle produksjonane studenten har laga. Mappa blir vurdert som stått/ikkje stått.

### *Litteratur*

For alle kursa i praktiske emne vil endeleg oversyn over pensum, organisering, omfang og arbeidskrav gå fram av semesterplanen.

## **Mediedidaktikk og formgiving - 15 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for humanistiske fag.

### *Omfang:*

15 studiepoeng

### *Innhald:*

Her vil det bli fokusert på problemstillingar knytte både til teoretisk medievitenskap, og til bruk av medie- og datateknologi i undervisning og opplæring i ulike skuleslag, samt i formidling til andre målgrupper. Ein krev obligatorisk deltaking og minst ein munnleg presentasjon av eit bestemt mediedidaktisk emne. Prosjektpraksis i skulen og prosjektoppgåve er knytt til dette emne. Likeins observasjonspraksis i medieverksemd.

Mediedidaktikk og formgiving er samansett av teori, dvs. medievitenskaplege emne som særleg gjeld tilhøve mellom barn, unge og media, og prosjektarbeid. Ved sida av teorien skal alle studentane i grupper på to eller tre, ta føre seg eit tidaktuelt medieprodukt som dei vel ut i samarbeid med faglærar. Dette er ei prosjekt- og dialogprega undervisningsform der studentane får arbeide grundig med eit emne som dei framfører for dei andre studentane: Studentane får kunnskap om ei rekkje medieprodukt som er aktuelt å bruke i skulesamanheng t. d. film, dataprogram, cd-rom, lydbøker og vev-sider. Medieprodukt som barn og unge brukar på fritida er òg aktuelle analyseprodukt. Studentane skal aktivisere medstudentane i førebudd samtale og vurdering av medieproduktet.

### *Undervisning*

Teoriundervisning i grupper med stor vekt på at studentane sjølve skal vere aktive bidragsytarar. Når det gjeld medium som Internett, dataspel og film, vil truleg både generell kunnskap, og ikkje minst brukarrøynsle, vere stor hjå mange av studentane. Dialog- og prosjektprega undervisningsform er sjølvstøtt i slike emne. I tillegg til den lærarstyrte samtalen skal studentane i desse timane ha ansvar for munnlege/datastøtta presentasjonar av ulike oppgåver. Deltaking er obligatorisk.

### *Vurdering*

Mappevurdering ut frå følgjande arbeid: Skriftleg grunnlag for munnleg presentasjon av medieemne i mediedidaktikk. Praksisrapport. Sjølvvalt didaktisk prosjektarbeid, sjå under. Det blir gitt samla bokstavkarakter. Nærare retningslinjer for mappa blir gitt ved studiestart.

*Førebels litteratur - endeleg liste vil bli gitt ved studiestart*

Sweps, Ture og Hildegunn Otnes (2001): *tekst.no .Strukturer og sjangrer i digitale medier*. Kapittel 3, 9 og 11.

## **Kompendium**

Bakøy, Eva (1999): 'Barnetv som sosialisering sin stans: noen påvirkningsfaktorer' i *Med fjernsynet i barnets tjeneste. NRK- fjernsynets programvirksomhet for barn på 60- og 70-tallet*. Lillehammer. Unipub.

Braaten, Lars Thomas og Ola Erstad (2000): "Mot en tilskuerorientert filmpedagogikk" i *Film og pedagogikk. Dialog og refleksjon i møte med film*. Norsk filminstituttets skriftserie 11.

Frønes, Ivar (1998): "Mot en digital barndom. En skisse av fremtidens barndom. I *Digital barndom* red. Haldar, Marit og Ivar Frønes . Ad Notam Gyldendal.

Gjelsvik, Anne (1998): "Rått, rått, rått og innmari godt. Vold som attraksjon i dagens fiksjonsfilm" I *Norsk Medietidsskrift* nr 2 1998

Harboe, Leif (1999): 'IKT i norskfaget' i *IKT i humanistiske fag*. Oslo. Tano Aschehoug Hoel, Aud Sissel (1998): "Barnets medierte livsverden". I *Digital barndom* red. Haldar, Marit og Ivar Frønes Ad Notam Gyldendal.

Klafstad, Henning og Knut Terum(2001): 'Analyse av multimedieproduksjoner til pedagogisk bruk' i *Multimediedidaktikk og læring - barn og unges multimedieproduksjon* red. Sørensen, Birgitte Holm. København. Gads Forlag.

Nilsson, Hanne (2001): 'Visuel design og layout' i *Multimediedidaktikk og læring - barn og unges multimedieproduksjon* red. Sørensen, Birgitte Holm. København. Gads Forlag. Oslo: LNU. Cappelen Akademiske Forlag.

Tufte, Birgitte(1998): "Medieanalyse - at lære om og med medier" i *KvaN* nr 50 1998

Vestad, Jon Peder og Bjarte Alme: *Mediespråk. Form og formidling i journalistikk*. Kap 1 og 2. 'Journalistikk er språk' og ' språket og samfunnet' .Oslo. Samlaget. 2002.

### *Praksis (4 veker)*

#### **Innhold**

I samarbeid med elever og lærarar ved ein eller fleire grunnskular skal studentane gjennomføre eit tverrfagleg, prosjektorganisert undervisningsopplegg i mediekunnskap. I denne praksisen vil studentane normalt vere organiserte i grupper på 4 -5. Sjølve prosjektgjennomføringa skal vare i maksimalt ei veke, medan heile praksisperioden (inkludert føre- og etterarbeid) skal ha eit omfang på til saman 2 vekers arbeid.

Dei 2 andre vekene i praksisperioden er avsett til observasjonspraksis i medieinstitusjon.

#### **Vurdering**

Obligatorisk deltaking på førebuing, gjennomføring og etterarbeid i samband med praksis. Praksisrapport skal leverast. Inngår i samla karakter for modulen.

### *Sjølvalt prosjektarbeid*

Her skal studenten sjølv velje eit emne frå mediedidaktikken som han/ho skal fordjupe seg i. I arbeidet med stoffet og i sluttproduktet skal studenten vise at han/ho kan bruke vitskapleg metode. Utforming/presentasjon skal også vise medviten bruk av IKT. Både problemstilling, disposisjon/førstekast og sjølvalt pensum skal godkjennast av faglærer. Fristar for desse del-innleveringane vil gå fram av semesterplanen.

#### **Vurdering**

Skriftleg eller elektronisk produsert prosjektoppgåve. Inngår i samla karakter i modulen.

#### **Litteratur**

Om lag 200 sider knytt til emnet for prosjektoppgåva. Litteraturen skal godkjennast av faglærer. I tillegg til dette vil deler av fellespensum frå MEV I , MEV II, INF, mediedidaktikk og innføring i IKT og praktisk medieproduksjon vere relevant også i denne delen av studiet.

## **ANDRE STUDIEÅR**

Andre studieår byggjer vidare på årseining i IKT i lærarutdanninga, og gir ei djupare innføring i visuell kommunikasjon og formgiving.

Fagplanen byggjer på Rammeplan for IKT i lærarutdanninga av 02.06.97.

## **SMF/PBI - IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT - 15 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for lærarutdanning.

### *Omfang:*

15 studiepoeng

### *Forkunnskap:*

Som grunnlag for denne modulen krevst modulen INF (Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi) eller tilsvarende kompetanse.

### *Målsetting:*

I denne modulen prøver vi å setje IKT inn i ein samfunnsmessig samanheng. Vi tek opp sider ved IKT-bruk i samfunn og arbeidsliv som også er relevante i skule og opplæring.

Vidare skal modulen gi studentane bakgrunn for å konkretisere læreplanane sine mål om integrasjon av IKT i ulike faglege samanhengar. Vi legg vekt på den endra didaktikken som IKT fører med seg, både med tanke på målretta bruk av IKT og den endra lærarrolla som IKT ofte fører med seg. Opplæring i produksjon av nettstad står sentralt.

### *Innhald:*

- IKT i teknologihistoria
- IKT, arbeid og arbeidsmiljø
- IKT, barn og samfunn
- IKT og det sårbare samfunn
- IKT-bruk og etikk
- IKT og likestilling
- Grunnleggjande teoriar for vev-design med form og farge
- Læring og læringsyn (Læringsteoriar, IKT som læringsverktøy, IKT i faga)
- IKT-baserte læremiddel
- IKT og tilpassa opplæring (grunnleggjande)
- IKT i problembasert læring
- IKT i open og fleksibel læring, t.d. fjernundervisning

### *Undervisningsformer:*

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til skule og opplæring. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

### *Vurdering og eksamen:*

Gjennom denne modulen vil det bli gitt to obligatoriske oppgåver knytt til bruk av IKT i samfunn og arbeidsliv. Ei av desse vert trekt ut til vurdering og tel 25% av den endelege karakteren i modulen.

I tillegg skal studenten laga eit nettbasert undervisningsopplegg som vil telje 75% av karakteren. I vurderinga av undervisningsopplegget inngår ein didaktisk presentasjon. Modulen blir vurdert med samla bokstavkarakter.

### *Litteraturliste: (Førebels)*

*Det vil seinare bli spesifisert kva kapittel av bøkene i lista som skal med i pensumlista.*

Schwebs, Ture og Otnes, Hildegunn (2001): *tekst.no. Strukturer og sjangrer i digitale medier*. Oslo: LNU. Cappelen Akademiske Forlag.

Innføring i databehandling ( Ivar J. Aasen m.fl.) ISBN 82-518-3598-4

Internett i skolen. Etikk og jus. (Tove Hauge & Morten S. Hagedal)

Nasjonalt læremiddelsenter 2000. ISBN-82-486-0500-0 -

Eller på nettet: [http://skolenettet.ls.no/etikk\\_jus/](http://skolenettet.ls.no/etikk_jus/)

Opphavsrett - en introduksjon. (Olav Torvund) <http://www.torvund.net/artikler/art-opphav.html>

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (KUF) ISBN 82-7726-411-9

IT og nye læreprosesser (Steen Larssen) ISBN 87-9866-960-5

Web Style Guide (Horton, Sarah og Lynch, Patrick) ISBN 0-300-07675-4

Eller på nettet: <http://info.med.yale.edu/caim/manual/contents.html>

Barn erobrer datamaskinen (Appelberg, Lisbeth & Erikson, Marta-Lisa) ISBN 82-446-0811-0

Mystery Meat Navigation (Flanders, V)

Frå Guri Mette Vestby, NIBR: Jentene, guttene og IT-begrepene:

Sammendrag.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990081/index-dok000-b-n-a.html> P146\_4484

Formålet med undersøkelsen.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990081/index-dok000-b-n-a.html> - P242\_21582

Kap. 8 - Sluttdrøftingar og problematisering.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990081/index-dok000-b-n-a.html> - P1499\_86470

Frå Ola Erstad, ITU: Innovasjon eller tradisjon.

Evaluering av prosjektvirksomhet under KUFs handlingsplan:

Kap. 5.2 om Jenters bruk av IKT.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990250/index-dok000-b-n-a.html> - hov5

Internett - Jentenett? Ungdomsskolejenters databruk og datainteresser (Tove Håpnes/Bente Rasmussen)



<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990252/index-dok000-b-n-a.html>

## **Visuell kommunikasjon - 15 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for mediefag.

### *Omfang*

15 studiepoeng

### *Mål*

Visuell kommunikasjon er et praktisk-teoretisk studium der teorien bygger opp om det praktiske arbeid. Det innføres i elementær kunnskap rundt design, med vekt på typografi, layout, komposisjon, skisseteknikker og billedanalyse. En innføring i produksjonsprosesser som er relevante for diverse grafiske arbeidsformer (trykk, TV-design, web-produksjon) vil - sammen med innføring i relevant programvare - danne grunnlaget for praktiske øvelser.

Studenten skal gjennom både teoretisk og praktisk undervisning være i stand til å forstå omfang og dybden i designprosesser og utvikle en forståelse for betydningen av design. Studenten skal videre være i stand til å vurdere og utforme designløsninger på et grunnleggende nivå.

### *Arbeidsmåter*

Studiet er basert på felles forelesninger når det gjelder teori-delene. I den praktiske undervisningen jobbes det individuelt eller i grupper med felles gjennomgangsmøter og individuell veiledning. De praktiske øvelsene forutsetter deltagelse i teori-undervisningen, dessuten må den enkelte studenten ha absolvert programvare-kursene i Photoshop, Illustrator, Flash og Dreamweaver.

### *Innhold*

Teori:

- Typografi - historie, terminologi, anvendt typografi
- DTP innføring (analog-digital, produksjonsprosesser, verktøy)
- Visuell kommunikasjon (Layout, komposisjon, billedanalyse)
- Visuell kommunikasjon (internet)
- Visuell kommunikasjon (avis)

Praktisk:

- Konseptutvikling (idé, konsept)
- Samarbeidsprosjekt med 1.Info - inkl. videoproduksjon)
- Plakat (fra skisse til original)
- Web-side (konsept, struktur, design)

### *Vurdering*

Samlet mappevurdering på alle praktiske oppgaver. Modulen blir vurdert med bestått/ikke bestått.

### *Pensum*

- Stop Stealing Sheep & find out how type works (E. Spiekermann, E.M. Ginger) ISBN 0-672-48543-5
- Digital Media Tools (Nigel Chapman / Jenny Chapman) ISBN 0-471-49277-9
- Digital Creativity - Techniques For Digital Media And The Internet (Bruce Wands) ISBN 0-471-39057-7
- Designing Web Graphics 3 - how to prepare images and media for the web (Lynda Weinman) ISBN 1-56205-949-1
- Bokstav, bilde, budskap (Øyvinn Rannem) ISBN 82-00-35138-6
- Design og reklame VK2 (E. Egeland, T. Jacoby) ISBN 82-585-1290-0
- Adobe Photoshop Web Design (M. Baumgardt) ISBN 0-201-72146-5

## **NoK Nettverk og kommunikasjon - 15 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for lærarutdanning.

### *Omfang:*

15 studiepoeng

### *Forkunnskap:*

Som grunnlag for denne modulen krevst modulen PBI (Pedagogisk bruk av informasjons- og

kommunikasjonsteknologi), og INF (innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi eller tilsvarende kompetanse.

### *Målsetting:*

Gjennom arbeidet med studieeininga skal studentane utvikle reflekterte haldningar til pedagogisk bruk av IKT i ulike fag. Dei skal også tileigne seg eit grunnlag for å bruke IKT slik at det fremjar samarbeid og kommunikasjon mellom menneske heller enn å skape skilje. Studenten bør kjenne til, kunne bruke og vurdere arbeidsformer som elektroniske læremiddel opnar for og initiere og gjennomføre prosjekt innan bruk av IKT i skule og opplæring.

### *Innhald:*

- Systemdesign, installasjonar og nettverk
- Kommunikasjon v.hj.a. datamaskin (CMC)
- Open og fleksibel læring
- Nasjonalt og internasjonalt samarbeid, på lærar- og elev-/studentnivå
- Tilpassa opplæring v.hj.a. IKT (Vidareføring av emnet i PBI)
- Bruk av IKT i ulike fag
- Bruk av kombinerte digitale medium i undervisning, og arbeid (IKT-strategi)

### *Undervisningsformer:*

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til skule og opplæring. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

### *Vurdering og eksamen*

Gjennom denne modulen vil det bli gitt 6 obligatoriske oppgåver. Tre av desse vil bli valt ut til vurdering etter nærare retningslinjer gitt ved studiestart. Oppgåvene har lik vektning og får samla bokstavkarakter.

### *Litteraturliste: (Førebels)*

*Det vil seinare bli spesifisert kva kapittel av bøkene i lista som skal med i pensumlista.*

Schwebs, Ture og Otnes, Hildegunn (2001): *tekst.no. Strukturer og sjangrer i digitale medier*. Oslo: LNU. Cappelen Akademiske Forlag.

Innføring i databehandling (Ivar J. Aasen m.fl.) ISBN 82-518-3598-4

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (KUF) ISBN 82-7726-411-9

IT og nye læreprosesser (Steen Larssen) ISBN 87-9866-960-5

Barn erobrer datamaskinen (Appelberg, Lisbeth & Erikson, Marta-Lisa) ISBN 82-446-0811-0

IKT og tilpassa opplæring (Tore Brøyn og Jon-Håkon Schultz) ISBN 9-788251-839020

Is Technophobia Keeping You Off the Internet? (Bollentin, W R)

E-post og nettvett (Nextel.no)

Webdesign (Kristin Ove-Rein m.fl.) DataPower ISBN 82-477-0531-1

Læring med IT (Glenn-Egil Torgersen) ISBN 82-994777-0-0

Berge, Z: CMC and the On-Line Classroom in Distance Education,

Strickland, Cyd: A Personal Experience with Electronic Community

**Gathen Per: Det virtuelle klasserom og den interaktive tavla**

**I retning av en mer fleksibel skole - Suksesskriterier for IKT-bruk i skolen. (FoU 30/98: KUF)**

**Utvalde artiklar frå It i Skolan (ITIS)**

## **StV Stor vev - 9 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for lærarutdanning.

### *Omfang:*

9 studiepoeng

### *Forkunnskap:*

Som grunnlag for denne modulen krevjast modulane SMF/PBI (IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT), og INF (Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi) eller tilsvarende kompetanse.

### *Målsetting:*

Emnet gir ei innføring i grunnleggjande prinsipp for programutforming retta mot skule og opplæring.

### *Innhald:*

- Kombinere teknikkar for effektiv produksjon og vedlikehald av interaktiv nettstad
- Grunnleggjande prinsipp for informasjonsdesign og grensesnitt
- Grunnleggjande prinsipp i programmering (variable, løkkjer, vilkår modular)

### *Undervisningsformer:*

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

### *Vurdering og eksamen:*

Tre dagars individuell heimeeksamen gitt over nett. Modulen blir vurdert med bokstavkarakter.

*Litteraturliste: Sjå fagplan for IKT i lærarutdanninga*

## **Fordjupingsoppgåve - 6 studiepoeng**

### *Omfang:*

6 studiepoeng

### *Forkunnskap og innhald:*

Fordjupingsoppgåva skal vere knytt til ein eller fleire av dei tre 15-studiepoeng-modulane i 2. året og oppgåva føreset dermed godkjenning av faglærer i desse modulane.

### *Vurdering og eksamen:*

Nærare reglar for arbeidet/oppgåva blir gitt ved studiestart. Oppgåva blir vurdert med karakteren stått/ikkje stått.

### *Litteratur:*

Studenten legg opp eige pensum på om lag 250 sider i samråd med faglærer i modulen/modulane studenten vel å legge fordjupingsoppgåva inn under.

## **TREDJE STUDIEÅR**

Dette studieåret er under utvikling og vil ikkje bli gitt før tidlegast hausten 2003. Her følgjer ei skisse av einingar som er tenkt inn som moglege spesialiseringar i dette studieåret.

### **Undervisningsretta bachelorløp**

Dette bachelorløpet kan på noverande tidspunkt berre omtalast ut frå ei mellombels skisse, då reforma i lærarutdanningane frå 2003 vil få store konsekvensar for organiseringa. Ei undervisningsretta spesialisering tyder at studenten nyttar den fagspesifikke didaktikken og praksis gitt i dei to første studieåra som del av praktisk-pedagogisk utdanning. Kandidatane må ut frå noverande organisering av lærarutdanning ta eitt påbyggingsår ut over bachelorgrad for å få undervisningskompetanse.

### ***Praktisk-pedagogisk utdanning***

#### *Pedagogisk teori - 30 studiepoeng*

Pedagogisk teori er ein sentral komponent i Praktisk-pedagogisk utdanning. Pedagogisk teori skal, saman med didaktikk, hjelpe til å utvikle ein felles plattform for arbeid i grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Praktisk-pedagogisk utdanning byggjer på prinsippa om praksisbasering og yrkesretting. I utdanninga vert det difor lagt opp til eit studieløp som inneber eit kontinuerleg samspel og integrasjon mellom to kunnskapstradisjonar, den eine basert på erfaringsbasert kunnskap, den andre teoretisk kunnskap. Ved at samspelet mellom studentane sine erfaringar med opplæring og teori er det sentrale utgangspunktet, er didaktikk i vid forstand gjort til kjernen i pedagogikkstudiet. Didaktiske spørsmål knytt til læring og undervisning er ei slik tilnærming og eit ankringspunkt i høve til meir generelle pedagogiske spørsmål.

Tilhøve som gjeld elevane si utvikling og sosialisering, skulen sitt mandat og verdigrunnlag, forholdet skule-heimsamfunn, ulike læringskulturar og yrkesetiske problemstillingar skal dermed knytast til utfordringar i læraren sitt daglege verke. Dette inneber at meir grunnleggjande teoretiske perspektiv skal knytast til og ha relevans for yrkesutøvinga som lærar.

Denne tilnærminga til pedagogikkfaget er konkretisert ved at faget er strukturert etter nokre sentrale

funksjonsområde i læreryrket. Desse målområda bør sjåast i samanheng, ikkje som einskilte tema. Fagplanen er strukturert i følgjande seks målområde:

## Læring og utvikling

- Samfunnsoppgåver og verdigrunnlag
- Planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning og læring
- Organisering og leiing av læring
- Etikk og yrkesidentitet
- Forsøks- og utviklingsarbeid.

Tilpassa opplæring skal vere ein del av det konkrete arbeidet med alle målområda. Studentane skal dermed arbeide med spørsmål som gjeld tilpassa opplæring i forhold til ulike elevar sin lærings- og utviklingsbakgrunn og i forhold til samfunnsoppgåver nedfelt i lovverk og læreplanar for opplæringa. Vidare skal det fokuserast på planlegging, gjennomføring og vurdering av tilpassa opplæringsløp, og organisering av læringsmiljø som tek vare på prinsippet om tilpassa opplæring. Ethiske spørsmål og utviklingsarbeid skal også knytast til tilpassa opplæring. Kva gjeld mål og målområde for faget pedagogikk viser ein til rammeplanen.

### *Generell fag- og yrkesdidaktikk - 15 studiepoeng*

Fag- og yrkesdidaktiske spørsmål ligg i spenningsfeltet mellom yrkeskvalifikasjonar og arbeidsoppgåver, fagleg funderte kunnskapar, metodeproblem, pedagogisk-psykologiske vurderingar og opplærings-, yrkes- og samfunnsrelaterte spørsmål. Problemstillingane omfattar både kva innhaldet i eit fag/yrke er, kvifor ein arbeider med faget/yrket og korleis ein arbeider med faget/yrket i opplæringa og samanhengen mellom desse perspektiva. Både fag- og yrkesdidaktikk i praktisk pedagogisk utdanning er innretta mot planlegging, gjennomføring og kritisk vurdering av undervisning og læring.

Rammeplanen omtaler didaktikk både som *generell didaktikk* og som *didaktikk knytt til dei enkelte faga eller yrkesfaga*. (Rammeplanen, side 20) Undervisninga i generell didaktikk skjer difor i samla/tverrfagleg gruppe og har eit omfang på 15 studiepoeng. På denne måten får ein ei tverrfagleg tilnærming til generelle didaktiske emne, ei tverrfagleg tilnærming som både aukar utbytte av undervisning og drøfting i studentgruppa, og som førebur og kvalifiserer studentane til tverrfagleg samarbeid i praktisk lærararbeid i skulen.

Undervisning og studium i generelle didaktiske emne, der problemstillingar og refleksjon knytt opp både til *praksis* og til *pedagogisk teori*, vert slik ein måte å sikre samanheng og heilskap i dei tre studiedelane som kvalifiserer for læreryrket.

Målområder og emner i generell didaktikk:

- Læreplanteori
- Normative og analytiske retningar i didaktikk
- Vurdering
- Skule og samfunn
- Kunnskapsteori, kunnskapslegitimering i skulen
- Planlegging og gjennomføring av undervisning
- Prosjekt- og temaarbeid.

Didaktikk knytt til dei enkelte faga (fagspesifikk didaktikk) vert gitt som del av første og andre studieår, med eit omfang på til saman 15 studiepoeng. All undervisning i fagspesifikk didaktikk er obligatorisk.

### **Vurdering**

Avsluttande vurdering i pedagogikk skal skje i høve til måla for denne studieeininga slik dei er formulert i avsnittet om mål og målområde i rammeplanen. Sjå fagplan for PPU for døme.

### **Litteratur**

Pensum og forslag til litteratur vert gitt ved studiestart. Sjå fagplan for PPU for døme.

### *Valfri fordjuping med undervisningsretta bacheloroppgåve og prosjektpraksis - 15 studiepoeng*

Bacheloroppgåva vil, knytt til fordjuping og praksis, vere å utarbeide og gjennomføre eit større undervisningsopplegg med evaluering. For fordjupingsmodular, sjå under.

## **Fagretta bachelorløp**

### ***Teoretisk fordjuping tilsvarande mellomfagstillegg - 20-30 studiepoeng***

Dette er studium vi på noverande tidspunkt ikkje kan tilby sjølve. Vi ønskjer derfor å utvikle fleire samarbeid med institusjonar i inn- og utland som kan gje fagretta, teoretisk fordjuping innan t.d. medievitenskap eller IKT/informasjonsvitenskap. På noverande tidspunkt har vi følgjande samarbeidsavtale:

### *Mellomfagstillegg i pedagogisk informasjonsvitenskap*

Modulen vert gitt i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund som gir dette emnet som fjernstudium.

### **Valfri fordjuping med bacheloroppgåve - 30-40 studiepoeng**

Bacheloroppgåva vil vere eit større teoretisk fundert arbeid ut frå fordjuping. For fordjupningsmodular, sjå under.

## **Bransjeretta bachelorløp**

### **Offentleg informasjon - 15 studiepoeng**

Modulen blir gitt av avdeling for mediefag (AMF). Ved eventuelle endringar i studiet gjeld AMF si omtale av fagplanen for modulen.

#### **Mål**

Informasjon som fagområde blir sett på som ein reiskap for å oppretthalde og utvikle demokratiet, og for å minske informasjonskløftene i samfunnet. Målet med dette studiet er at kandidatane skal bli betre kvalifiserte til informasjonsarbeid, særskilt i offentlig sektor, men også i organisasjonar og private føretak. Dette skal skje gjennom at studentane skal tileigne seg:

- ei forståing av kva informasjon er og kva rolle informasjon har i dagens samfunn
- kommunikasjons- og informasjonsfaglege teoriar slik at studentane blir i stand til å definere problem og målsetjingar, vurdere ulike verkemiddel og gjennomføre konkrete informasjonstiltak
- analytiske reiskapar som gjer dei stand til å tolke og forstå informasjonsfaglege problemstillingar
- eit grunnleggjande innsyn i mediasamfunnet
- eit grunnleggjande innsyn i profesjonelle arbeidsmåtar og metodar i praktisk og strategisk informasjonsarbeid
- eit medvite forhold til tale-, bilet-, skrift- og kroppsspråk

#### **Målgruppe**

Dette studietilbodet er særskilt retta mot dei som skal arbeide som informatørar på ulike nivå eller som er tillagt informasjonsoppgåver gjennom sitt daglege arbeid eller tillitsverv.

#### **Omfang**

Studiet utgjer 15 studiepoeng og er sett saman av informasjonsfaglege teoriar og medievitenskap.

#### **Organisering og gjennomføring**

Offentleg informasjon er organisert som eit eitt-semesterstudium med avsluttande eksamen.

Undervisning blir gitt som forelesingar. Alle studentane får oppgåver med ei obligatorisk innlevering til kvar av dei fem undervisningsbolkane i studiet. Innleveringane må vere godkjende og bestått før studentane kan gå opp til eksamen. Kopiering og gjenbruk av eigne oppgåver i nye samanhengar blir ikkje godtatt.

#### **Innhald**

Studiet skal gi eit grunnleggjande teoretisk fundamentet for informasjonsarbeid. Gjennom fem emnebolkar med tilhøyrande obligatoriske oppgåveinnleveringar, får studentane ei innføring i kommunikasjons- og informasjonsfaglege emne. Det blir lagt vekt på organisasjonsteori og informasjonsformidling, og informasjon blir sett i eit større perspektiv.

Gjennom oppgåver og aktiv deltaking frå kandidatane skal det skapast ei medviten og kritisk haldning til det faglege arbeidet ein som informasjonsarbeidar utøver. Medvit om informasjonsyrkets eigen etikk, det faglege ansvaret og rolleforståing er sentrale stikkord gjennom dette femvektts studiet.

Studiet omfattar følgjande 5 emnebolkar:

### **1) Omgrep, roller og modellar**

Informasjon er eit mangetydig omgrep som ikkje kan avgrensast på ein enkel måte. Med denne bolken får studentane ei innføring i korleis «informasjon» blir nytta i denne utdanninga, i yrkeslivet, i forskning og i teori. Dette blir så utdjupa gjennom dei andre bolkane. I yrkeslivet har informasjonsmedarbeidaren ulike titlar og ulike oppgåver. Innsikt i og drøfting av desse rollene er viktig for å forstå både omgrepet informasjon og den funksjonen informasjon har i samfunnet og i ein organisasjon. Etikk er også eit sentralt emne i denne bolken. Som informasjonsarbeidar kan ein fort kome i krysspress mellom ulike grupper, og informasjon kan lett brukast som eit maktmiddel, medvite eller umedvite. Her står også lojalitetsomgrepet sentralt og informatørens maktfunksjon.

### **2) Informasjon og samfunn**

Med den nære koplinga mellom informasjon, demokrati og samfunn som denne utdanninga legg opp til, er den norske informasjonspolitikken eit viktig grunnlag for dei normene norske informasjonsmedarbeidarar har for sitt arbeid. Informasjonspolitikken er dessutan grunnleggjande for å kunne forstå nokre av dei problem ein utdanna informasjonsmedarbeidar er venta å kunne løyse. Sentrale omgrep i denne bolken er m.a. informasjonskløfter, informasjon og demokrati og norsk informasjonspolitikk.

### **3) Organisasjons- og kommunikasjonsteori**

Som informasjonsarbeidar i offentleg og privat verksemd, er evna til å sjå heilskapar viktig. Dette krev ofte at ein har evne til å analysere ulike problem på ein kritisk måte og å skilje kommunikasjonsproblem frå andre typar problem. Med denne bolken skal kandidaten få grunnleggjande innsikt i og kjennskap til reiskapar som kan nyttast til reflekterte og kritiske analysar og vurderingar av eiga verksemd. Slike analysar skal gi grunnlag for å kunne setje i verk informasjons- og kommunikasjonstiltak i eiga verksemd og retta mot samfunnet rundt.

### **4) Målgrupper og kommunikasjonsplanlegging**

Målgruppeteori er ein grunnleggjande reiskap i informasjonsarbeid. Menneske har ulike føresetnader for å ta til seg informasjon, og kjennskap til målgruppa er derfor essensielt for at informasjon skal nå fram og bli forstått. Eit reflektert forhold til informasjonsplanlegging er nødvendig for å sikre god kommunikasjon. Med denne bolken skal studentane få grunnleggjande kjennskap til ulike delar og reiskapar i kommunikasjonsplanlegging, som til dømes analyse, målformulering og evalueringsmåtar. Studenten vil i tillegg få eit innblikk i formidling av offentleg informasjon på internett.

### **5) Språk og formidling**

Sentralt er teori om og reiskapar for å analysere ulike typar tekster. Retorikk, sjangerkonvensjonar og språksosiologi er tema i denne bolken. Målet er å gjere studentane medvitne om sentrale eigenskapar ved ulike typar språkbruk brukt i formidling.

#### **Vurdering**

På innleveringsoppgåvene til emnebolkan vil karakteren stått/ikkje stått bli nytta. Alle innleveringsoppgåvene må vere stått før studentane kan gå opp til eksamen.

Studiet blir avslutta med ein 4-timars skriftleg eksamen. Det blir nytta bokstavkarakterar.

#### **Pensum**

Til studiet i Offentleg informasjon er det knytt eit pensum på vel 1000 sider. Pensum og forslag til litteratur vert gitt ved studiestart.

### ***Valfri fordjuping med bransjepraksis - 30 studiepoeng***

Til praksis skal følgje praksisrapport som skal inngå i endeleg portefølje. For fordjupningsmodular, sjå under.

### ***Bacheloroppgåve knytt til bransjepraksis og portefølje - 15 studiepoeng***

Ved bransjeretta spesialisering skal studenten lage ei portefølje ut frå samla mappe alle tre studieår, etter nærare reglar. Portefølja er grunnlag for ein større presentasjon overfor moglege framtidige arbeidsgivarar.

Tverrfaglege valfrie fordjupingsmodular, gitt til alle tre spesialiseringsområda:

Modulane er ikkje endeleg utarbeidde på noverande tidspunkt då oppstart først er hausten 2003. Modulane vil bygge vidare på emne gitt i dei to første studieåra. Desse modulane vil kunne nyttast inn i alle dei tre spesialiseringsområda spesifisert i fagplanen.

### ***Meta-design/Holdningskampanje/Portfolio - 15 studiepoeng***

**Val av fokus vil bli styrt av studentane sine ønskjer. Fokus kan anten vere:**

#### **- Meta-design**

Ei problemstilling, eit konsept, fleire produkt/løysingar

Denne modulen skal gi studenten fordypning i et større prosjekt med fokus på design. Prosjektet forutsetter gode basiskunnskaper i dataprogram for billedbehandling. Det legges stor vekt på konsept og design, men også presentasjon og en skriftlig redegjørelse/prosjektrapport for valgte løsning vil være en viktig del av modulen.

Valgt medium er avhengig av valgt konsept.

#### **- Holdningskampanje**

Ei problemstilling, to innfallsvinkel.

I denne modulen skal det i to grupper utarbeides en kampanje FOR og IMOT en gitt problemstilling. Det legges stor vekt på konsept og design. Selve presentasjonsformen skal gjenspeile en gjennomtenkt handlings- og fremdriftsplan for iverksettelse av kampanjen. Prosjektet forutsetter gode basiskunnskaper i dataprogram for billedbehandling. Skriftlig redgjørelse/prosjektrapport er påkrevt. Valgt medium er avhengig av valgt konsept.

### **- Portfolio**

Arbeidspresentasjon.

I denne modulen skal det lages en portfolio av arbeider studenten har gjennomført gjennom studiet. Presentasjonsformen er avhengig av ønsket kommunikasjonsmedium det legges stor vekt på konseptutvikling og designstruktur. Prosjektet forutsetter gode basiskunnskaper i dataprogram for billedbehandling og web. Skriftlig redegjørelse/prosjektrapport.

### *Film og didaktikk - 15 studiepoeng*

Å produsere film i eit didaktisk perspektiv vert ein viktig del av denne modulen. Innføring i film som språk, filmanalyse og filmkunst som kulturarv står og sentralt. Mange studentar og elevar har stor kompetanse og sterke meiningar om film, og difor vert dialog og refleksjon stikkord for tilnærminga til mediedidaktikken. Eiga filmoppleving er viktig, og også korleis folk si filmoppleving har endra seg i løpet av 1900-talet etter som filmmediet har utvikla seg i form og innhald.

### *Tekst - språk og informasjonsdesign - 15 studiepoeng*

Å skriva god brukardokumentasjon er ein kunst - som kan lærast.

I denne modulen skal studenten arbeida aktivt med språket. Det vil bli lagt vekt på både gode formuleringar og strukturering og oppbygging av dokumentasjon.

Studenten skal få øving i å strukturera tekst slik at denne får ei logisk oppbygging for brukaren og dei oppgåvene brukaren skal løysa. Brukaren skal raskt og enkelt finna det han/ho treng svar på, og informasjon skal vera relevant i høve til det brukaren arbeider med. Vidare er det viktig å kunna formulera seg klart og tydeleg. Det er vanskeleg, men naudsynt, å kunna skjera ned på tekst og berre ta med det brukaren treng.

Gjennom denne modulen skal studenten også få trening i å laga gode on-line hjelpesystem.

### *Tilsvarende utveksling/utlandsopphald (totalt 30 stp)*

Studentar som ønskjer utlandsopphald som del av bachelorgraden sin kan ut frå godkjenning i fagmiljøet ta delar av spesialiseringa si i utlandet.

### **Andre moglege valfrie modular (utvikling hausten 2002)**

- Bilde/fotodesign
- Animasjon (Flash)
- eller
- Musikk/Lyddesign

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- **PRAKTISK-PEDAGOGISK UTDANNING**
  - DEL 1 GRUNNLAGSFORSTÅING OG MÅL
    - INNLEIING
    - 1.1 SKOLE OG UTDANNING I SAMFUNNSPERSPEKTIV
    - 1.2 VIKTIGE PRINSIPP I STUDIET
  - DEL 2 INNHALD, ORGANISERING, ARBEIDSMÅTAR OG VURDERING
    - 2 INNHALD
    - 2.1 ORGANISERING
    - 2.2 INNFØRINGSVEKE
    - 2.3 STUDENTSAMTALER
    - 2.4 OBLIGATORISKE FORPRØVER
    - 2.5 AVSLUTTANDE VURDERING
  - DEL 3 FAGPLANAR
    - 3.1 PRAKSISOPPLÆRING
    - 3.2 PEDAGOGIKK
  - DIDAKTIKK
  - Fagplanane for fagspesifikk didaktikk:
    - 3.3.1 Fagplan for fagdidaktikk i norsk.
    - 3.3.2 Fagplan for fagdidaktikk i formgiving, kunst og handverk
    - 3.3.3 Fagplan for fagdidaktikk i framandspråk
    - 3.3.4 Fagplan for fagdidaktikk i religion, kristendomskunnskap, livssynskunnskap og filosofi
    - 3.3.5 Fagplan for fagdidaktikk i kroppsøving
    - 3.3.6 Fagplan for fagdidaktikk i musikk
    - 3.3.7 Fagplan for fagdidaktikk i samfunnsfag
    - 3.3.8 Fagplan for fagdidaktikk i matematikk
    - 3.3.9 Fagplan for fagdidaktikk i naturfag

## PRAKTISK-PEDAGOGISK UTDANNING

### DEL 1 GRUNNLAGSFORSTÅING OG MÅL

#### INNLEIING

Denne fagplanen bygger på den nasjonale rammeplanen for praktisk-pedagogisk utdanning (RP98) som er utforma på bakgrunn av det reformarbeidet som har gått føre seg i grunnskole og vidaregåande opplæring på 90-tallet. Denne rammeplanen er felles for yrkes- og allmennfaglærerutdanninga, og gir slik høve for integrering av studentane frå desse to fagområda i deler av studiet. Studieåret 2002/2003 vil allmennfaglærerutdanninga og yrkesfaglærerutdanninga kunne bli samorganisert både som heiltidsstudium ved Høgskulen i Volda og som deltidsstudium over 2 år lokalisert utanfor Høgskulen i Volda.

Studieplanen er bygd opp i tre deler. Den første delen omfattar grunnforståing og mål i studiet, den andre tek opp innhald, organisering, arbeidsmåtar og vurdering. Den tredje delen er fagplandelen som presiserer fagplanane for dei tre delane i studiet, pedagogisk teori, praksis og fag- og yrkesdidaktikk. Desse planane vil følgje dei nasjonale planane, med lokale endringar når det gjelder vektlegging av mål, arbeids- og vurderingsformer.

Praktisk-pedagogisk utdanning er eit heilskapleg studium med eit omfang på 60 studiepoeng, kor pedagogikk har eit



omfang på 30 studiepoeng og didaktikk med 30 studiepoeng (eitt eller to fag). Praksisdelen, som utgjer 12 veker, vert ikkje gitt nokon studiepoengsnormering, men må sjåast som ein integrert del av pedagogisk teori og didaktikkundervisninga.

Studiet skal utvikle ein heilskapleg kompetanse, og det føreset eit nært samarbeid og koordinering mellom dei ulike studieeiningane, noko som føreset regelmessig kontakt og møteverksemd blant dei ansvarlege for dei ulike einingane. Studentane vil slik få møte fagintegrering og tverrfagleg arbeid i studiet, prinsipp om heilskap og samanheng som er sentrale i grunn- og vidaregåande opplæring.

## 1.1 SKOLE OG UTDANNING I SAMFUNNSPERSPEKTIV

Lærerutdanninga må reflektere skolen sine mål, verdiar, haldningar, kunnskapssyn og læringssyn. Kapittel 1 i rammeplanen drøftar lærerutdanninga i dette perspektivet og gir retningane for den lærerkompetansen dette føreset. Desse kompetanseområda skal reflekterast i dei respektive planane for pedagogikk, praksis og fag- og yrkesdidaktikk.

I eit samfunn som er prega av ein akselererande endringstakt vil det bli stilt spesielt store krav til dei opplæringsansvarlege i skolen av i morgon. I dei overordna målsetjingane for grunnskole og vidaregåande opplæring blir det gjeve ei verdiforankring for skolen sitt mandat i kristne og humanistiske grunnverdiar og gjennom omgrep som likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.

Eit læreplanteoretisk poeng er motsetningane mellom skolen sine mange og ulike mål. Til dømes opplever mange ein slik motsetnad mellom skolen sin kristne formålsparagraf og dagens kulturelle og livssynsmessige mangfald. Ein annan slik motsetnad ligg i skolen sine mål og funksjon. Skolesosiologien har lenge vore oppteken av skolen sin reproduktive funksjon, eit dilemma i spenningsfeltet mellom kulturtilpassing og aktiv motkultur. I det distriktet som Høgskulen i Volda har særskilt ansvar for vil ein slik møte eit dilemma mellom skolen sine nasjonale og lokale prioriteringar. Mange forsking- og utviklingsarbeid har peika på verdien av oppvurdering, godkjenning og bruk av den lokale kulturkunnskap som ein verdi i seg sjølv.

Slike spennings- og motsetnadstilhøve vil vere viktige og gjennomgåande tema i lærerutdanninga. Lærarar og studentar må tolke og ta stilling til skolen sine mål, innhald og verkemidlar og dei motsetnader og dilemma som måtte ligge mellom desse. I skolekvardagen møter lærarane slik problemstillingar i møtet mellom dei generelle krava i planane, materielle ressurser og føresetnader og kravet om tilpassa undervisning. Analyse og dilemma-toleranse vil vere vesentlege trekk ved den lærerkompetansen vi ønskjer å utvikle. Ein kompetanse som kan utvikle løysningar som reduserer spriket mellom intensjonar i planane og realitetane i skolen.

## 1.2 VIKTIGE PRINSIPP I STUDIET

Nokre viktige grunnprinsipp som skal vere gjennomgåande i alle studieeiningane: pedagogikk, fag-/yrkesdidaktikk og praksisopplæringa:

- ☒ Erfaringslæring
- ☒ Oppgave- og problemorientering
- ☒ Medråderett
- ☒ Tilpassa opplæring - likeverd og tilhørighet
- ☒ IKT og ny læring
- ☒ Handlingskompetanse
- ☒ Eit utvida læringssyn
- ☒ Ei utvida lærarrolle

**Erfaringslæring** vil seie å:

- ☒ Bevisstgjere seg tidlegare erfaringar og gjøre nye erfaringar med ulike former for pedagogisk arbeid
- ☒ Beskrive handlingar, opplevingar og resultater, og analysere desse.
- ☒ Utvikle kunnskapar og innsikt om læring og opplæring og dugleik i å tilretteleggje og støtte læring hos elevar
- ☒ Planleggje og prøve ut ny praksis.

Erfaringslæring gir rom for at egne erfaringar, vurderingar og synspunkt blir prøvd ut i klasser, i grupper eller i praktisk lærerarbeid. Refleksjon over egne opplevingar er slik ein viktig del av studiet og grunnlag for eigen utvikling som lærar. Erfaringslæringsmodellen vil slik stå sentralt.

Gjennom opplevingar og erfaringar i studiet ved Høgskulen, i praksisutplassering og i studentgruppa får studentane tilgang til å vurdere sin eigen praksis og sine faglege, personlege og sosiale føresetnader. Refleksjonar og innsikt som set dei i stand til å møte dei sosiale og faglege utfordringane i læreryrket.

**Oppgave og problemorientering** vil seie at ein tek utgangspunkt i praksisnære arbeidsoppgåver. Planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning og rettleiing vil stå sentralt, likeså arbeidsoppgåver knytta til tilpassa opplæring, kollegasamarbeid, skolen som organisasjon og skolen i lokalsamfunnet.

Utviklingsperspektivet på skole og undervisning vil slik vere overordna skolen sin praksis som rutinemessige arbeidsoppgåver.

**Medråderett og ansvar** er knytta til demokratiske verdier. Det vert lagt vekt på aktiv deltaking og ansvar for eiga læring i studiet. Studentane skal ha medverknad på og delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa. Rammer for medråderetten blir sett av mål og grunnprinsipp i ramme- og fagplan.

**Tilpassa opplæring - likeverd og tilhørighet** er sentrale utdanningspolitiske prinsipp, og skal medverke til sikring av alle elevane sine sosiale og faglege rettar, deltaking og medansvar. Dette krev at ein gjennom studiet, individuelt og i fellesskap drøfter ulike løysningar ut frå avgrensingar og muligheter innanfor dei ulike studieeiningane: pedagogikk, praksis og didaktikk.

Tilpassa opplæring utfordrar skolen sine tradisjonelle undervisnings- og vurderingsformer og krev utvikling av alternativer. Krava i rammeplanen er at ¼ av studiet skal ha tilknytning til tilpassa opplæring.

**IKT og ny læring** gjev fleire og nye moglegheiter, roller og sosiale samhandlingsmønster. Skal studentane kunne utnytte dette i praktisk undervisning må dei ikkje berre sjølv lære om IKT, men også ta i bruk IKT i praksis og teori i sitt eige studium.

Det er ein intensjon at studentane aktivt bruker data i kommunikasjon mellom medstudentar og lærarar, til dømes for å halde kontakt i praksisutplasseringa. Praktisk-pedagogisk utdanning vil ha eiga informasjonsside på Høgskulen i Volda si heimeside.

**Handlingskomptanse** er eit omgrep som omhandlar den nye lærarkompetansen. Handlingskompetansen omfattar både læringskompetanse, fagkompetanse, sosial kompetanse og metodekompetanse. Heilskapen i innhald og arbeidsmåtar i studiet skal ta vare på dette heilskaplege kompetanseomgrepet..

**Eit utvida læringssyn** ligg til grunn for skolereformene på 90-tallet. Læring er framstilt som ein aktiv, søkjande og utprøvande prosess, der den aktive eleven sjølv tek ansvar både for eiga læring og medelevane si læring. Læring er ikkje berre ein individuell prosess, men også ein sosial og kollektiv prosess og storleik. Det er ut frå dette synet at praksisforankringa, prosjektarbeid, seminargrupper, varierte skrive og presentasjonsframføringer og rettleiingar har fått en sentral plass i forhold til tradisjonelle forelesningar.

**Ei utvida lærarrolle** er ein konsekvens av samspelet mellom skolen og samfunnet, oppgåve og problemorienteringa, medråderett og ansvar, tilpassa opplæring, IKT og ny læring, eit nytt kompetanseomgrep og eit utvida læringssyn. Gjennom sosial samhandling har lærarane ansvar for tilrettelegginga av skolen sitt totale læringsmiljø både for elevar og lærarar. Dette krev innsikt og dugleik i teamarbeid, leiing og læringsmiljøutvikling. Eit slikt utvida omgrep om lærerrolla stiller store krav til studiet, der det blir kravd omfattande samarbeid og koordinering mellom dei tre studieeiningane: Pedagogikk, fag-/yrkesdidaktikk og praksis.

## DEL 2 INNHALD, ORGANISERING, ARBEIDSMÅTAR OG VURDERING

### 2 INNHALD

Studentar ved PPU har relativ lang fagutdanning bak seg før dei startar på studiet. Dei fleste har slik solid fagleg kunnskap for arbeid i skole og opplæring. Denne fagkunnskapen er likevel ikkje tilstrekkeleg for å kunne meistre dei

utfordringane som arbeid i skolen innbyr til. Studentane må utvikle ein pedagogisk refleksjon og ein praktisk dugleik i formidling av kunnskap og tilrettelegging for læring. Som lærarar må dei fungere som leiar, rettleiar og medarbeidar i mange og ulike samanhengar, og slik også sjå korleis fag og ulikt kunnskapsstoff kjem til uttrykk i temaundervisning, prosjektarbeid og tverrfagleg læring. Slik vil refleksjon over eigen læringsbiografi ha stor verdi, og vil kunne komme til nytte i ein felles medvitsprosess.

Studiet skal verre prega av aktiv studentdeltaking, der praksisorientering, yrkesretting og refleksjon over egne erfaringar skal danne utgangspunkt og gi retning innanfor alle element i utdanninga. Refleksjon blir slik eit nøkkelomgrep. Skal ein kunne gripe tak i studentane sine egne erfaringar og opplevingar må ein legge til rette for dette gjennom eigna arbeidsmåtar og organisasjonsformer. Einsidige plenumsførelesingar vil i denne samanhengen vere lite eigna.

Den tradisjonelle lærerrolla var knytt til undervisning og formidling. Til den nye lærerrolla vert knytt kompetanse som set elevane si læring i fokus. Dette utelukkar ikkje undervisning, formidling og den gode forteljinga, men presiserer rettleiings-, tilretteleggings- og oppfølgingsfunksjon i lærerrolla. Denne rolleforskyvinga må få som konsekvens for studentane ei erkjenning av forplikting i eige studiarbeid, og at samarbeid med medstudentar og lærarar kan gi betre læring enn førelesingsdominert undervisning.

Skriving blir eit utgangspunkt både for eiga læring og i kommunikasjon med omverda, medstudentar og lærarar. I studiet inngår difor fleire obligatoriske skriftlege arbeid. Det vert forventa at studentane deler erfaringar og refleksjonar med kvarandre gjennom skriftlege arbeider og/eller munnleg framstilling i ulike fora som plenum, seminargruppe og basisgruppe. Desse arbeida vil inngå som delar av den portefølje som utgangspunkt for vurdering. (Sjå pkt. 2.4 om obligatoriske arbeider og 2.5 om vurdering)

Lærerutdanninga må ta utgangspunkt i studentane sine føresetnader og legge eit innhald og ein progresjon som er i samsvar med deira forventningar, behov og prioriteringar. Lærarstudentane kjem til studiet med motiv som er sterkt meistringsorientert i høve dei fagleg-metodiske og sosiale prosessene i klassen. Det er derfor naturleg å bygge opp lærerutdanninga med utgangspunkt i lærerrolla og dei didaktiske (planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning) og dramaturgiske (klasse miljø og samspill) oppgåver, og sjå desse oppgåvene i samheng med studentane sin skolepraksis. Første halvdel av studiet vil ein i hovudsak vere fokusert på desse to hovudområda. Didaktikk vil slik bli ein viktig møteplass mellom fag/yrkesdidaktikk og praksis. Det vil difor vere naturleg at ein tidleg i studiet analyserer og drøfter lærerrolla i lys av skole- og samfunnsutviklinga, læreplanar, læreplanane si oppbygging, kunnskaps- og læringssyn, samt praktisk undervisningsplanlegging med arbeids- og vurderingsformer. I pedagogikken vil det tilsvarande vere naturleg å drøfte sosialt samspel, disiplin og konfliktløsning.

Studentane sine skriftlege arbeid, som går fram av punkt 2.4 , skal knytte saman den teoretiske og praktiske delen av studiet. I første halvdel av studiet vil studentarbeid omkring elevmiljø, klassestyrar- og lærarrolle og undervisningsopplegg bli utnytta i seminar- og basisgrupper.

I andre halvdel av studiet har studentane gjennomlevd det første "praksissjokket", og slik fått ein viss bakgrunnsforståing og nokon referanserammer som gjer dei motiverte for tyngre arbeid og meir teoretiske tema om læring og kunnskap generelt, og i høve til elevar med ulike læreføresetnader og særlege behov. Tilpassa opplæring skal som nemnt utgjere ¼ del av studiet (15 studiepoeng) integrert i didaktikk, pedagogikk og praksis. Det vil difor bli lagt vekt på at dei skriftlege studentarbeida i tilknytning til seminar- og basisgrupper også omfattar tilpassa undervisning.

Studiet vert avslutta med skole og undervisning i eit framtidig samfunnsperspektiv, der utvikling av lærarprofesjonalitet vil stå sentralt. Eit anna gjennomgangsperspektiv vil vere yrkes- og profesjonsetikk.

## 2.1 ORGANISERING

I pedagogikk er undervisningsforma tilrettelagt som basisgrupper, seminargrupper og fokusførelesingar. Fokusførelesingane føregår i plenum. Klassen blir delt i 2 seminargrupper med ca 12 studentar i kvar gruppe. Disse seminargruppene er samansett av 3 basisgrupper med 4-5 studentar i kvar basisgruppe. Organiseringa kan illustrerast slik:

### FOKUSFORELESING

SEMINARGRUPPE			SEMINARGRUPPE		
BASISGR.	BASISGR.	BASISGR.	BASISGR.	BASISGR.	BASISGR.

Basisgruppene er basert på aktiv studentdeltaking med ansvar for eiga læring. Dette inneber at studentane i tillegg til arbeid med definerte praksis og teorelaterte problemstillingar sjølv må ta initiativ til formulering og arbeide med aktuelle problemfelt etter interesse og/eller fag-/rammeplan. Det er ein intensjon at disse gruppene også skal vere i funksjon under praksisperiodane kor studentane vert oppfordra til å søke kontakt med kvarandre for diskusjon og refleksjon om undervisningspraksis. Der gruppa blir spreitt over eit større geografisk område oppmodast studentane til å halde kontakt med kvarandre ved hjelp av IKT. Dette gir studentane høve til å bli kjent med andre skoleslag og skoletrinn enn dei sjølv har praksis i.

Seminargruppene vil også krevje stor grad av studentengasjement og ansvar for eigen utvikling. Gruppene skal vere tverrfaglege. Hovudintensjonane bak seminargruppene er ein profesjonsretta, integrert og heilskapleg utdanning, der overordna pedagogiske refleksjonar og samarbeid på tvers av fag står sentralt. Gjennom arbeid i seminargrupper vil studentane bli betre rusta til å møte ein kvardag der samarbeid og kommunikasjon mellom ulike aktørar i opplæringsystemet får større vekt.

Seminargruppene får ein pedagog som fast rettleiar. Normalt ein lærer i pedagogikk.

Seminara i studiet er ein møteplass for teori og praksis. Studentane skal samlast til seminar der undervisning, litteratur, praksiserfaringar kan bli drøfta. Seminar kan gi kunnskapar som gir perspektiv, og gi studentane eit grunnlag for å orientere seg og sette i verk tiltak. Gjennom seminarforma kan lærarutdanninga få karakter av forskning, offentleg samtale og ein bevisst læreprosess. Bevisstgjerjing, initiativ, refleksjon og samarbeid er stikkord for seminarverksemda.

Seminara føreset den læringsaktive studenten og ansvar for eigen utvikling. Studentane skal blant anna legge fram skriftlege arbeider, drøfte eksemplar (case), legge fram ulike perspektiv på pedagogiske problemstillingar, legge fram faglitteratur m.m. Dette er obligatoriske arbeider som må utførast til seminargruppene, og som blir samlet i mappe som vurderingsgrunnlag i høve til seminararbeid. Det vert gitt eigne retningslinjer for slik mappedokumentasjon, sjå om obligatoriske arbeider og om vurdering.

Studentane har ulik bakgrunn og erfaring med skriftlege framstillingsformer og mange studenter slit med å komme i gang med dette arbeidet. Det vil vert gjeve rom for hjelp og rettleiing i denne skriveprosessen i tilknytning til skriftlege oppgåver.

## 2.2 INNFØRINGSVEKE

Den første veka er obligatorisk og vert rekna som innføringsveke. Målet med innføringsveka er:

- ☞ Å få innsikt i forventningar og krav til utdanninga.
- ☞ Å skape personleg kontakt og forplikting mellom aktørene (studenter og lærarar)
- ☞ Å etablere sosial tryggleik og samkjensle til studieklassen.
- ☞ Å etablere eit grunnlag for student- og lærerrolla
- ☞ Å oppleve arbeidsmåtar der erfaringslæring vert tatt i bruk.
- ☞ Å gje innføring i bruk av IKT (Classfrontier)
- ☞ Å gje innføring i responskriving

Det vert utarbeidd ein eigen plan for denne veka.

## 2.3 STUDENTSAMTALER

I løpet av studiet vil studentane delta i planlagte og førebudde "medarbeidarsamtalar". Disse utviklingssamtalene skal fungere rettleiande i høve til eigenvurdering, fagleg vurdering og sosial fungering. Samtalene vil finne stad nær opp til praksisperiodane, og skal munne ut i konkrete mål som studenten bruker i forhold til dei ulike delane av studiet. Lærarar i pedagogikk gjennomfører disse samtalene. Det vert utarbeidd eigne retningslinjer for disse samtalene.

## 2.4 OBLIGATORISKE FORPRØVER

Studentane skal utvikle fem kompetanseområde gjennom studiet: endrings- og utviklingskompetanse, yrkesetisk kompetanse, sosial kompetanse, didaktisk kompetanse og fagleg kompetanse. Studentar ved praktisk-pedagogisk utdanning vil i hovudsak ha fullført fagutdanninga.

Studentane skal levere ein del obligatoriske forprøver i løpet av studietida. Desse forarbeida blir lagt i elektroniske mapper og ein del av dei vil danne grunnlaget for den avsluttande vurderinga (Sjå pkt. 2.5) To av oppgåvene skal vere gruppearbeid; dei andre arbeida er individuelle arbeid, men det er rom for gruppesamarbeid i alle arbeida.

I det følgjande vil dei ulike forarbeida bli kort gjort greie for. Det er utarbeidd retningslinjer for desse oppgåvene i eige hefte (Sjå heftet Om oppgåveskriving).

Merk at alle oppgåvene må vere godkjende før den munnlege eksamen

## Elev-/klasseobservasjon

Gjennom elev/klasseobservasjon skal studentane utvikle evne til å observere og tolke ulik elevatferd, sosiale prosesser og samspill i større eller mindre elevgrupper og mellom elever og lærarar. Innfallsvinkel og fokus for observasjonane vil kunne variere ut frå det ein måtte finne som interessant i den enkelte klasse eller gruppe. Intervju eller samtale med elever og lærarar vil gi nyttig informasjon for tolking av ulike observasjonar.

Dette arbeidet vil i stor grad fokusere på sosiale relasjonar, samarbeid og kommunikasjon og vil slik bidra til ein bevisstgjerjing og utvikling av studentane sin sosiale kompetanse.

Dette arbeidet skal legges fram og bli drøfta i seminargruppe, og rettleiar skal godkjenne arbeidet..

## Lærarrolle/klassestyrarrolle

Ein ny og utvida lærarrolle stiller store krav til lærarane sin kompetanse. Gjennom funksjon som klassestyrar vil studentane som framtidige lærarar få ein nøkkelposisjon i koordineringa, utviklinga av læringsmiljøet og samarbeidet mellom elever, elever og lærarar og mellom klassen sine lærarar. De fleste nye lærarar vil ganske raskt få klassestyraroppgåver. Det er derfor viktig å fokusere denne rolla i praktisk-pedagogisk utdanning. Gjennom dette arbeidet vil ein også få eit godt inntak til forståing av skolen som organisasjon, leiing og skolekultur.

Studentane må få erfaring med yrkesetiske refleksjonar knytt til oppgåver og funksjonar som lærarar har. Arbeidet med lærarrolla/klassestyrarrolla vil være eit element som kan heve den yrkesetiske kompetanse og refleksjon. Normalt vil dette arbeidet ta utgangspunkt i det formelle mandat som er nedfelt i retningslinjer og instruks, for så og kartleggje og drøfte den utforminga rolla har på praksisskolen. Det vil være hensiktsmessig å gjere intervju/samtale med 2 - 3 klassestyrarar, representantar frå administrasjon og rådgivingsteneste samt deltaking og observasjon på klasselærarmøte, teammøte og liknande, eventuelt annen undersøkjande verksemd.

Denne datainnsamlinga blir slik grunnlag for ein analyse/vurdering av mulegheiter og avgrensingar for god rolleutøving for eksempel i forhold til ressursar, tradisjonar, holdningar og leiings- og organisasjonsstruktur.

Arbeidet med lærarrolle/klassestyrarrolle skal leggest fram i seminargruppe og godkjennast av rettleiar.

## Praksisrapportar

Det skal gjerast ei praksisoppsummering etter kvar praksisperiode, ein i haustsemesteret og ein i vårsemesteret.

Praksisoppsummeringa er studentane sin refleksjon over eigen verksemd, dugleik i lærararbeid og potensiale for endring og utvikling. Med utgangspunkt i praksisoppsummeringa og avsluttande evalueringssamtale med praksisrettleiar skal studentane formulere utviklingsmål for siste halvdel av studiet.

Etter studentsamtale med lærer i pedagogikk ved Høgskolen i Volda, reformulerast utviklingsmåla som skal leggest fram for praksisrettleiar ved neste praksisperiode som eit arbeids- og utviklingsgrunnlag for vidare opplæring i praksis. Dette vil kunne medverke til å styrke utviklinga av den didaktisk kompetanse og endrings- og utviklingskompetansen.

Eit viktig bidrag i lærings- og utviklingsprosessen er loggføring under praksisopplæringa. Denne loggen skal først og fremst bli brukt som eit personleg refleksjonsreiskap over viktige hendingar i praksisopplæringa. Loggmaterialet kan gi verdifulle utgangspunkt for drøftingar, teoritilkoplingar, rettleiing og oppgåvearbeid i studiet.

Studenten skriv denne loggen etter undervisningsøkter, rettleiingssamtaler og andre aktivitetar som inngår i skolepraksis. Disse notatane vil vere eit viktig grunnlag for praksisoppsummeringa.

Studentane blir oppfordra til å halde kontakt med kvarandre via IKT i praksisperiodane. Gjennom denne kommunikasjonen kan dei reflektere saman om erfaringane til kvarandre, og slik også bli kjende med andre skular og andre skuleslag enn dei skulane dei har praksis i.

I det pågåande reformarbeidet i grunn- og vidaregåande skole er logg haldt fram som eit viktig reiskap for skolevurdering, eigenutvikling og kollegarettleiing. Det er derfor viktig at studentane skaffar seg erfaringar som kan vere til nytte når dei som lærarar skal vidareføre loggskrivning som ein systematisk arbeidsmetode i skoleutvikling. Kommunikasjon via IKT kan også vere ei nyttig erfaring i korleis ein som lærar seinare kan knytte kontakt med andre skular i eit pågåande utviklingsarbeid.

Praksisoppsummeringa skal ta utgangspunkt i ein dokumentert kommunikasjon/refleksjon via IKT, og inngår som ein del av praksisseminar etter praksisperioden. Rettleiing blir gitt av lærarane ved Høgskulen i Volda.

Retningslinjer for kommunikasjon/refleksjon via IKT vert utarbeidd.

## Didaktikkoppgåver

I andre halvdelen av studiet (vårsemesteret) skal det skrivast ein didaktikkoppgåve i tilknytning til obligatorisk undervisning i spesifikk fagdidaktikk i kvart av dei to faga det normalt blir gitt undervisning i. Dei av studentane som bare har eitt undervisningsfag skal levere ein didaktikkoppgåve i faget sitt, og i tillegg lage eit fagdidaktisk opplegg som enten skal gjennomførast i praksisperioden eller/og presenterast i seminargruppe/basisgruppe saman med lærar i didaktikk.

Didaktikkoppgåva skal vere forankra i praksis ved at studentane tar utgangspunkt i ein praktisk problemstilling knytt til planlegging og/eller gjennomføring av eit undervisningsopplegg. Oppgåva skal vere prosjektretta og skal drøftast i lys av relevant pedagogisk og fag/yrkesdidaktisk teori og eventuelt data innsamla i praksis.

Oppgåva har basis i undervisningsplanlegging, analyse og bruk av læreplanar, og utprøving av ulike strategiar for tilrettelegging for læring. Den vil såleis vere eit viktig element for utvikling av studentane sine praksiserfaringar og den didaktiske kompetanse.

Rettleiing, vurdering og tilbakemelding blir gitt av lærar i fagdidaktikk.

## Utviklingsoppgåva

Studentane skal i løpet av studiet skrive ein utviklingsorientert oppgåve som integrerer praksis, pedagogikk og fag/yrkesdidaktikk. Oppgåva vil normalt ha eit fagleg og fag/yrkesdidaktisk utgangspunkt og vere knytt til studentane sine egne praksiserfaringar. Val av tema skal grunnjevast og det skal definerast ei problemstilling som skal drøftast i lys av eit generelt teoritilfang.

Gjennom utviklingsoppgåva skal studentane dokumentere dugleik til refleksjon kring opplæringa sine mål, læreplanen sitt innhald, elevane sine føresetnader og behov, og basale prinsipp for læring og motivasjon. Såleis vil oppgåva tene til å heve studentane sin didaktiske kompetanse.

At oppgåva skal ha eit utviklingsperspektiv inneber at studentane reflekterer over eigen praksis som lærar, og kva for potensiale for utvikling som ligg i eigen praksis. Den framtidige lærar må vere budd og innstilt på endringar i si yrkesrolle og yrkesutøving. Gjennom arbeidet med utviklingsoppgåva skal studentane gjøre seg kjent med forsking- og utviklingsarbeid som har relevans for oppgåva si problemstilling og dei skal søke å vise til kva konkrete moglegheiter som finnast for utviklingsarbeid innanfor det aktuelle feltet. Utviklingsperspektivet i denne oppgåva vil også medverke til å auke studentane sin endrings- og utviklingskompetanse.

Oppgåva kan gjennomførast i grupper på inntil 3 studentar, eller individuelt.

Utviklingsoppgåva må vere godkjend før studenten kan framstille seg til individuell munnleg eksamen. Sjå om avsluttande vurdering.

Tema og problemstilling skal godkjennast av pedagog og lærar i fagdidaktikk. Desse vil og gi rettleiing.

Spørsmål og problemstillingar som dei ulike utviklingsoppgåvene reiser vil være aktuelle drøftingstema i basis- og seminargrupper.

## **2.5 AVSLUTTANDE VURDERING**

Munnleg eksamen og den elektroniske mappa med obligatoriske forarbeider (sjå pkt. 2.4) gir grunnlag for avsluttande karakter. I tillegg må alle obligatoriske arbeid vere fullført med godkjent resultat. (Jfr. Rammeplanen)

Rammeplanen framhevar den avsluttande vurderinga som viktig for å skape samanheng og heilskap i studiet, men likevel slik at studentane sitt arbeid med de ulike studieeiningane er synlege. Gjennom tilrettelegging for ein avsluttande vurdering gjennom ein utviklingsoppgåve, munnleg eksamen og obligatoriske arbeider søker ein å kome desse intensjonane i møte.

### **2.5.1 Godkjenning av obligatoriske arbeider / forprøver**

Rettleiar for seminargruppene eller eventuelt lærar i didaktikk godkjenner dei ulike arbeida før dei legges i mappa for vurdering. I tvilstilfelle vert andre lærarar ved institusjonen trekte inn.

Studentar som får underkjent arbeid kan framstille desse til ny godkjenning. Dei tre obligatoriske arbeida for første halvdel av studiet (elev-/klasseobservasjon, lærarrolle/klassestyrarrolle og praksisoppsummering) må imidlertid vere godkjend før studentane si praksisopplæring i andre halvdel av studiet.

I andre halvdel av studiet må dei obligatoriske arbeida i fagspesifikk didaktikk (didaktikkoppgåva) og utviklingsoppgåva vere godkjent før mappa legges fram for avsluttande vurdering.

Det vert utarbeidd retningslinjer for gjennomføring og godkjenning av obligatoriske arbeid.

### **2.5.2 Godkjenning av praksisopplæring**

I første halvdel av studiet skal det vurderast i kva grad studentane sitt arbeid i høve til konkrete mål og spesifikke arbeidsområde for praksisopplæringa er tilfredsstillande utført. Det er viktig at ein vurderer i kva grad studentane har potensiale for vidare utvikling innanfor praktisk lærardugleik. Ei positiv vurdering av desse tilhøva gir godkjent praksis.

Godkjenning av praksisopplæringa i første halvdel av studiet vert gjort av fagleg leiar for PPU etter tilråding og vurdering frå praksisrettleiar.

### **2.5.3 Eksamen**

## **Praksisopplæring**

Praksisopplæringa er ein del av eksamen og det skal mot slutten av studiet vurderast i kva grad studentane har nådd måla som er formulerte for praksisopplæringa. Karakteren blir fastsett av representantar frå Høgskulen i samråd med studenten sine praksisrettleiarar. Karakterskalaen for praktisk lærardugleik er "Stått/Ikkje stått".

## **Teorieksamen**

Praksisopplæringa må vere greidd og alle obligatoriske arbeid må vere godkjend før studenten kan framstille seg til teorieksamen. Gjennom teorieksamen som består av ein skriftleg og ein munnleg del, skal det vurderast i kva grad måla i pedagogikk og aktuelle fag/yrkesdidaktiske studieeiningar er oppfylde.

Mappa med dei obligatoriske arbeida vert utgangspunktet for den skriftlege delen av eksamen. Her skal eit utval på tre arbeider fra denne mappa legges fram for den avsluttande vurderinga med karaktersetting.

Utviklingsoppgåva skal vere eit av dei arbeida som legges fram for vurdering, og i tillegg skal studenten velge to arbeider til som skal leggest fram for vurdering.

Munnleg eksamen er individuell og tek utgangspunkt i dei vurderte arbeida frå mappa, men studenten vil og bli prøvd i pensum frå alle delar av studiet.

Den munnlege delen av eksamen må også vere greidd før fastsetjing av endeleg karakter for teorieksamen. Ved fastsetjing av karakter for teorieksamen tel den skriftlege og den munnlege delen likt.

Kommisjonen som skal sette karakter på den skriftlege og den munnlege eksamen er samansett av ein pedagog og ein faglærer i didaktikk. Ekstern sensor vil ta del i minst 20% av dei eksaminerte kandidatar. (Sjå om ekstern evaluering)

Det vert nytta bokstavkarakterar etter ein gradert skala med fem trinn frå A til E for stått og F for ikkje stått.

#### **2.5.4 Ekstern evaluering**

Ekstern evaluering inngår som ein del av den avsluttande vurderinga i studiet. Den eksterne evalueringa skal omfatte både evaluering av et utval av studentar, og ei evaluering av studieopplegg og gjennomføring av studiet.

Den eksterne evalueringa skal omfatte minst 20% av studentane, kor ekstern evaluator deltar som sensor i både den skriftlege og den munnlege delen av avsluttande eksamen.

Dei elektroniske oppgåvemappene til studentane, undervisningsplanar og særskilte studieopplegg skal vere tilgjengeleg for ekstern evaluering, samtidig som ekstern evaluator skal kunne gjennomføre samtalar/intervju med studentar. Dette skal kunne danne grunnlag for ein rapport til institusjonen både om studentane sitt kompetansenivå, og om ei vurdering av dei læringsaktivitetane som har vore gjennomført i studiet. Det vert utarbeidd ein mal for denne rapporteringa.

Ekstern evaluering inngår slik som ein del av studieevalueringa ved PPU. Sjå om studieevaluering nedanfor.

#### **2.5.5 Studieevaluering**

Eit viktig føremål med studieevalueringa er å oppretthalde og forbetre kvaliteten i studiet. Både studentar og lærarar er sentrale aktørar i ei kontinuerleg vurdering av studiekvaliteten. Læringsmiljøet ved Høgskulen i Volda vil vere eit sentralt fokus i denne vurderinga. På denne måten vil både læringa som eit samspel mellom deltakarane i læreprosessen, og rammefaktorane som omgir prosessen (organisering, fysiske forhold, læremidlar og liknande) bli vurderte.

Deltaking i ein slik vurderingsdialog har og som siktemål at studentane skal tileigne seg ein reiskap for vurdering og forståing for vurdering som prosess som kan overførast til eigen lærarpraksis. I studieevalueringa vert det difor viktig å gjere synleg denne overføringsverdien og drøfte evaluering som reiskap i læringssituasjonar.

Dei erfaringane som kan trekkast ut av denne evalueringssdialogen, både skriftleg og munnleg, vil vere grunnlag for avgjerder om endringar i studiet. Studentane bør slik ta del i analysane og oppsummeringane som vert gjort.

#### **2.5.6 Skikkavurdering og vitnemål**

Høgskulen i Volda skal vurdere om den einskilde studenten er skikka for læraryrket. Skikkavurderinga skal gå føre seg gjennom heile studiet.

Tildeling av vitnemål for fullført lærarutdanning medfører at studenten er vurdert som skikka for læraryrket. På vitnemålet for praktisk-pedagogisk utdanning ved Høgskulen i Volda vert det ført særskilde karakterar i teori og praktisk lærardugleik, tittelen studenten har valt på utviklingsoppgåva og kva studieeiningar innafor fag-/yrkesdidaktikk studenten har fullført.

### **DEL 3 FAGPLANAR**

## **3.1 PRAKSISOPPLÆRING**



Studentane skal gjennom praktisk-pedagogisk utdanning utvikle kompetanse innafør kompetanseområda i rammeplanen, fagleg kompetanse, didaktisk kompetanse, sosial kompetanse, yrkesetisk kompetanse og endrings- og utviklingskompetanse. Desse kompetanseområda skal gje grunnlag for den handlingskompetansen som vert kravd i læraryrket. Praksisopplæringa har difor som mål å knyte teori og erfaring frå undervisning saman slik at studentane kan bli bevisst og vidareutvikle sine kunnskapar om lærararbeid.

Øvingslærer på praksisskolen har saman med studenten og høgskulen sine lærarar ansvar for erfaringsinnhenting, utprøving, rettleiing og vurdering som delar av praksisopplæringa. Lærarar i fag/yrkesdidaktikk og pedagogikk skal difor samarbeide med øvingslærarane om tilrettelegging og planlegging av praksis.

Den enkelte øvingslærer på praksisskolen har hovudansvaret for rettleiing av studenten gjennom praksisperioden. I tillegg vil lærarane i pedagogikk gi rettleiing til studentane i første praksisperiode og lærarane i fag/yrkesdidaktikk vil gi rettleiing i andre praksisperiode. I siste halvdel av praksisperiodane vil det bli arrangert eit praksisseminar for å gjere greie for og drøfte erfaringar frå praksisopplæringa.

Det vert utarbeidd ein eigen plan for praksisopplæringa.

Praksisopplæringa har eit omfang på 12 veker. Første praksisveke i haustsemesteret er observasjonspraksis, der studentane gjennom deltakande observasjon skal vinne erfaring i høve til innhald i første halvdel av studiet. Mot slutten av haustsemesteret skal det gjennomførast 5 vekers samanhengande praksis. Mot slutten av vårsemesteret skal det gjennomførast 6 vekers samanhengande praksis.

Studentane skal ha praksis frå to ulike institusjonar, helst ein grunnskole og ein vidaregåande skole. Med grunnskole meiner ein mellomtrinn og ungdomstrinn i grunnskolen.

### **3.2 PEDAGOGIKK**

Pedagogisk teori er ein sentral komponent i Praktisk-pedagogisk utdanning. Pedagogisk teori skal, saman med didaktikk, hjelpe til å utvikle ein felles plattform for arbeid i grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Praktisk-pedagogisk utdanning byggjer på prinsippa om praksisbasering og yrkesretting. I utdanninga vert det difor lagt opp til eit studieløp som inneber eit kontinuerleg samspel og integrasjon mellom to kunnskapstradisjonar, den eine basert på erfaringsbasert kunnskap, den andre teoretisk kunnskap. Ved at samspelet mellom studentane sine erfaringar med opplæring og teori er det sentrale utgangspunktet, er didaktikk i vid forstand gjort til kjernen i pedagogikkstudiet. Didaktiske spørsmål knytt til læring og undervisning er ei slik tilnærming og eit ankringspunkt i høve til meir generelle pedagogiske spørsmål.

Tilhøve som gjeld elevane si utvikling og sosialisering, skulen sitt mandat og verdigrunnlag, forholdet skule-heim-samfunn, ulike læringskulturar og yrkesetiske problemstillingar skal dermed knytast til utfordringar i læraren sitt daglege verke. Dette inneber at meir grunnleggjande teoretiske perspektiv skal knytast til og ha relevans for yrkesutøvinga som lærar.

Denne tilnærminga til pedagogikkfaget er konkretisert ved at faget er strukturert etter nokre sentrale funksjonsområde i læraryrket. Desse målområda bør sjåast i samanheng, ikkje som einskilte tema. Fagplanen er strukturert i følgjande seks målområde:

#### ***Læring og utvikling***

#### ***Samfunnsoppgåver og verdigrunnlag***

#### ***Planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning og læring***

#### ***Organisering og leiing av læring***

#### ***Etikk og yrkesidentitet***

#### ***Forsøks- og utviklingsarbeid.***

Tilpassa opplæring skal vere ein del av det konkrete arbeidet med alle målområda. Studentane skal dermed arbeide med spørsmål som gjeld tilpassa opplæring i forhold til ulike elevar sin lærings- og utviklingsbakgrunn og i forhold til samfunnsoppgåver nedfelt i lovverk og læreplanar for opplæringa. Vidare skal det fokuserast på planlegging, gjennomføring og

vurdering av tilpassa opplæringsløp, og organisering av læringsmiljø som tek vare på prinsippet om tilpassa opplæring. Etske spørsmål og utviklingsarbeid skal også knytast til tilpassa opplæring.

Kva gjeld mål og målområde for faget pedagogikk viser ein til rammeplanen.

# Vurdering

Avsluttande vurdering i pedagogikk skal skje i høve til måla for denne studieeininga slik dei er formulert i avsnittet om mål og målområde i rammeplanen.

Sjå punkt 2.5 om avsluttande vurdering og om eksamen.

## Pensum

Pensum og forslag til litteratur vert gitt ved studiestart.

### **DIDAKTIKK**

Fag- og yrkesdidaktiske spørsmål ligg i spenningsfeltet mellom yrkeskvalifikasjonar og arbeidsoppgåver, fagleg funderte kunnskapar, metodeproblem, pedagogisk-psykologiske vurderingar og opplærings-, yrkes- og samfunnsrelaterte spørsmål. Problemstillingane omfattar både kva innhaldet i eit fag/yrke er, kvifor ein arbeider med faget/yrket og korleis ein arbeider med faget/yrket i opplæringa og samanhengen mellom desse perspektiva. Både fag- og yrkesdidaktikk i praktisk pedagogisk utdanning er innretta mot planlegging, gjennomføring og kritisk vurdering av undervisning og læring.

Rammeplanen omtaler didaktikk både som *generell didaktikk* og som *didaktikk knytt til dei enkelte faga eller yrkesfaga*. (Rammeplanen, side 20) Undervisninga i generell didaktikk skjer difor i samla/tverrfagleg gruppe og har eit omfang på 5 vektall. På denne måten får ein ei tverrfagleg tilnærming til generelle didaktiske emne, ei tverrfagleg tilnærming som både aukar utbytte av undervisning og drøfting i studentgruppa, og som førebur og kvalifiserer studentane til tverrfagleg samarbeid i praktisk lærararbeid i skulen.

Undervisning og studium i generelle didaktiske emne, der problemstillingar og refleksjon knytt opp både til praksis og til pedagogisk teori, vert slik ein måte å sikre samheng og heilskap i dei tre studiedelane som kvalifiserer for læraryrket.

Målområder og emner i generell didaktikk:

- Læreplanteori
- Normative og analytiske retningar i didaktikk
- Vurdering
- Skole og samfunn
- Kunnskapsteori, kunnskapslegitimering i skolen
- Planlegging og gjennomføring av undervisning
- Prosjekt- og temaarbeid.

I didaktikk knytt til dei enkelte faga (fagspesifikk didaktikk) vert det arrangert kurs med eit omfang på 2,5 vektall for kvart fag.

All undervisning i fagspesifikk didaktikk er obligatorisk.

### **FAGPLANANE FOR FAGSPESIFIKK DIDAKTIKK:**

#### **3.3.1 Fagplan for fagdidaktikk i norsk.**

##### ***Mål***

Rammeplanen for fagdidaktikk i norsk (3.11) har 5 målområder:

- Fagets egnart, legitimering og utvikling
- Læringsforløp og tilpassa opplæring
- Munnleg og skriftleg bruk av språket
- Litteraturredidaktikk og teksthistorie
- Yrkesretting

Denne inndelinga er gjort av praktiske og systematiske omsyn. I undervisninga vil en til vanleg arbeide med flere

målområder samtidig.

### **Rammeplanen har 8 målpunkt. Sentrale mål er at studentene skal utvikle**

- et fagsyn, dvs (bl.a.) å kunne grunngi faglige mål og prioriteringer og reflektere over egen undervisning
- en god læringskultur
- tekstkompetanse, særlig knyttet til klasseromstekster og elevtekster
- kunnskap om litteratur- og resepsjonsteori
- læreplan- og læremiddelanalytisk kompetanse
- rettleiingskompetanse
- "yrkesrettingskompetanse"
- praktisk og teoretisk kunnskap om DIKT (digital informasjons- og kommunikasjonsteknologi) i norskundervisningen.

### **INNHold**

De fem målområdene dekker store og sentrale felt i norskfagets didaktikk. Noen viktige emner i de 5 målområdene:

## **Målområde 1: Fagets egenart, utvikling og legitimering:**

Studenten skal ha kjennskap til fagets historie og utvikling. Temaer som hører inn under dette punktet er norsk som "danningsfag", forholdet mellom vitenskapsfag/basisfag og skolefag og forholdet mellom språk og læring.

## **Målområde 2: Læringsforløp og tilpasset opplæring:**

Dette målområdet omfatter bl.a. læreplananalyse og undervisningsplanlegging med utgangspunkt i ulike faglige "normeringskilder". Veien fra plan til praksis og ulike former for tilpasset opplæring i norskundervisningen vil her bli tatt opp.

## **Målområde 3: Muntlig og skriftlig bruk av språket:**

Målområdet dekker tilrettelegging av og veiledning i undervisningssituasjoner som tar sikte på å utvikle skriftlig og muntlig kompetanse. Analyse og vurdering av elevtekster - skriftlige og muntlige - vil stå sentralt her. Ulike typer normeringsproblem og ulike "rettingsstrategier" vil bli tatt opp.

## **Målområde 4: Litteraturredidaktikk og teksthistorie:**

Målområdet omfatter bl a arbeid med spørsmål som: Hvilken litteratur leses i skolen; hvilket tekstbegrep legges til grunn? Hvordan fungerer klasserommet som ramme for opplevelse og samtale/analyse? Hvem har "rett" i tekstlesingen?

## **Målområde 5: Yrkesretting:**

Her drøfter en bl.a. forholdet mellom norsk som "allmennfag" og "yrkes(rettet)-fag".

Studentgruppas sammensetning og interesser vil til en viss grad bestemme hvilke emner som vil bli vektlagt i undervisningen. Sentrale undervisningsemner vil til vanlig være:

Norskfagets historie  
Fagplanene  
Om lesing og skriving; språk og læring  
Muntlig  
Skrivepedagogikk: vurdering og veiledning  
Språkdiridaktikk  
Litteraturredidaktikk

## **ARBEIDSFORMER**

Alle har "norskfagkompetanse" i den forstand at en i minst 12 år har hatt anledning til å oppleve faget gjennom egen elevrolle og iaktta ulike norsklærerroller. Dette er praksiserfaringer, som studiet vil forsøke å utnytte. Undervisningen på PPU er dessuten i seg selv en praksissituasjon, som på ulike måter kan utnyttes. Undervisningen vil til vanlig foregå i grupper med vekt på studentaktive læringsformer.

## **PENSUM**

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. 1996. (Generell del og norskplanen; ca. 50 s.)

Læreplan for vidaregåande opplæring. Norsk. Felles allment fag for alle studieretningar. 1993 (Om lag 25 s.)

Metodisk veiledning. Grunnkurs norsk. Felles allment fag for alle studieretninger. 1994.  
(Om lag 40 s.)

Austad, Engen, Høien og Skaathun: Lese- og skrivevanskar i vidaregåande skole. LNU/Cappelen, 1993. (Om lag 140 s.)

Artikkelpensum:

Bjarne Fidjestøl: Norskfaget veks fram. Faghistoriske hovudliner fram mot vårt hundreår. I Madssen (red.): Norsk-didaktikk, LNU/Cappelen 1981. (Om lag 20 s.)

Frøydis Hertzberg: Grammatikk - norskens problembarn. I Madssen (red.): Norsk-didaktikk, LNU/Cappelen 1981. (Om lag 22 s.)

Janne Brit Myrmo: Grammatikkdebatten før og nå. I "Norsklæreren", nr. 5, 1998, s. 5-10.

Frøydis Hertzberg: Funksjonell grammatikkundervisning - hva kan det være?  
I "Norsklæreren", nr. 5, 1998, s. 10-15.

I tillegg vil det bli valgt ut noen aktuelle artikler fra tidsskrift og/eller bøker.

### **3.3.2 Fagplan for fagdidaktikk i formgiving, kunst og handverk**

#### **INNLEIING**

Fagplanen byggjer på "Rammeplan for praktisk - pedagogisk utdanning" av 03.04.98. I samsvar med denne skal studiet kvalifisere for slik undervisning:

- ★ Grunnskulen på mellom- og ungdomssteget i faget kunst og handverk
- ★ Vidaregåande opplæring i studieretning for formgivingsfag og kunstfaga på dei allmenne studieretningsfaga.

#### **MÅLOMRÅDE/INNHALD**

### **Fagområdet sin eigenart, utvikling og legitimering**

Gjennom fagområda si historiske utvikling ser vi korleis denne har påverka vår samfunnsutvikling både teknisk og estetisk. Gjennom læreplananalysar og drøftingar om fagområdet sin utvikling innan skulesystemet skal studiet bidra til å synleggjere faga sine prioriteringar og idegrunnlag og slik igjen har danna bakgrunn for refleksjonar i høve til faget sin plass i opplæringsystemet.

### **Undervisning, tilrettelegging og vurdering.**

Elevar sitt eige skapande arbeid står sentralt i skulefaget både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Studentane må derfor tileigne seg grunnleggjande kunnskap om sentrale sider ved faget som dei skal nytte i sitt arbeid som lærar:

★ Faget sett i lys av elevane sine læringsføresetnader, tilpassa opplæring i skuleverket, lokale rammefaktorar og læreplanar

★ tåme i planlegging, grunngeving, gjennomføring, rettleiing, refleksjon, evaluering og fornying

## IKT, læremiddel og formidling

Den kontinuerlege framdrifta innan IKT utviklar stadig fleire og meir varierte undervisnings- og konkretiseringsmateriale. Dette gjer det mogleg å ta nye formidlingsformer i bruk. Det vil bli sett eit kritisk søkelys på dei moglegheitene og avgrensingar som ligg i dette i høve til ei god utviklinga innan fagområdet.

## Miljø og etikk

Dette målområdet skal synleggjere problemfeltet mellom formgivingsfaga sin materialbruk og ei økologisk berekraftig utvikling. Å formidle ei forståing av at fagområdet har eit spesielt ansvar for å synleggjere kor viktig det er å ta vare på livsgrunnlaget for menneska si utfolding samtidig som ein ikkje øydelegg det stemningsrommet som mellom anna naturen byr fram. Ein vil og fokusere korleis vi alle har eit etisk ansvar for det offentlege rom.

## Forskings- og utviklingsarbeid

Forskings- og utviklingsarbeid ( FOU) er ein viktig føresetnad for utvikling av fagområdet der studentane skal stimulerast til nytenking og utvikling av undervisning i dette faget. Utviklingsarbeidet kan skje på fleire nivå, frå den enkle utprøving til vitskapelege arbeid.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Praksis i opplærings situasjonen og eigenerfaring er viktige utgangspunkt for fagdidaktisk refleksjon. Slik blir praksisrettleiing og dialog mellom student og lærar ein sentral komponent i studiet. Studentane skal utarbeide, bruke og vurdere undervisningsopplegg, og tileigne seg kunnskap om å bruke IKT både som læremiddel og arbeidsreiskap. Studenten skal vinkle delar av det skriftlege, praktiske og munnlege arbeidet i studiet til emne frå eige fagfelt innan formgiving, kunst og handverk.

Det vert så langt råd lagt vekt på organiserings- og arbeidsformer som bind saman praksisopplæring, fagdidaktikk og pedagogikk. Arbeid på tvers av fag i studiet er aktuelt.

### **VURDERING**

For å gå opp til didaktikk eksamen i formgiving, kunst og handverk må studenten ha svart på og levert alle oppgåver som går inn i studiet til avtalt tid.

Slike arbeid kan vere:

kompedium  
prosjektarbeid  
praksisrapportar  
konkretiseringsmaterieil  
læremiddel  
fagartiklar  
kursopplegg

Arbeida kan knytast til fellesstoffet innan kunst og formkultur, form, farge og komposisjon og/eller til studenten sitt spesialområde, og prosessvurderast av faglærar

Obligatoriske arbeid i studiet kan gå inn som ein komponent i eksamen

For avsluttande vurdering sjå pkt 2.4 i rammeplanen.

### **PENSUM**

*Pensumstoff er delt i to; om lag 200 sider felles og 200 sider obligatorisk.*

## Felles:

Læreplanverket for den 10 årige grunnskulen, L-97, fagdelen s. 190 - 203

Veiledning L-97, Kunst og handverk s. 5 - 39

Læreplanverket for vidaregåande opplæring,  
Kapittel grunnkurs formgivingsfag ( KUF )

Idè og veiledningshefte for elevvurdering i Kunst og håndverk på ungdomssteget s. 5 - 41  
Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus, Eksamenssekretariatet.

Kulturarv og kulturoverføring i grunnskolen med vekt å den estetiske dimensjonen.  
Else Marie Halvorsen Universitetet i Oslo. 1996 s. 54- 66.

Formingsfarget egenart. Artikkel og essaysamling. Bjørg Tronshart ( red.)  
Høgskolen i Telemark 1995 s. 6 -112

Biletanalyse, didaktikk og metode. Terje Borgersen/ Hein Ellingsen. Cappellen s. 5 -176

## Forslag til valfritt:

Kunst og Håndverk - Hva og Hvorfor  
Anny Haabesland / Ragnhild Vavik, Stord lærarhøgskule 1989 s. 9 - 223

Det blir teke atterhald om at det kan bli endringar og tillegg i planen og litteraturlista.

### 3.3.3 Fagplan for fagdidaktikk i framandspråk

**Mål**  
Rammeplanen for fagdidaktikk i framandspråk har følgjande 6 målområde:

1. Framandspråkfaga - eigenart, utvikling og legitimering
2. Språklæringsteoriar og undervisningsmetodar
3. Planlegging og tilrettelegging av undervisning og læring
4. Vurdering og rettleiing
5. Tilrettelegging for estetiske erfaringar
6. Språklæring og yrkesfag

Fagdidaktikk i framandspråk inneber ein vekselverknad mellom teori og praksis. Målet er å gi studentane kunnskapar, praktiske erfaringar og trening i refleksjon og gjere dei i stand til å takle dei utfordringane dei møter i eigen skulekvardag. I undervisninga vil ein difor til vanleg arbeide med fleire målområde samstundes.

## Rammeplanen har 6 målpunkt. Studentane skal utvikle

- innsikt i framandspråket sin plass og funksjon i samfunnet, og den plass det har og har hatt i det norske opplæringssystemet
- kunnskapar om og dugleik i å vurdere språklæringsteoriar og undervisningsmetodar før og no
- evne til å planlegge, gjennomføre og vurdere språkundervisning og læring i høve til nasjonale læreplanar og til å legge til rette for gode læringssituasjonar tilpassa einskildeleven sine føresetnader
- evne til å sette seg inn i korleis elevar lærer framandspråk og dugleik i å undersøke vilkår for å lære språk i og utafør klasserommet
- dugleik i å legge til rette for ulike estetiske erfaringar og opplevingar for elevane

gjennom kreativ bruk av språket i møte med kunst og kulturuttrykk  
· forståing for kva yrkesretting av språkfaga kan innebere

### ***Innhald***

Dei seks målområda dekkjer sentrale felt i framandspråkdidaktikken:

#### Målområde 1: Framandspråkfaga - eigenart, utvikling og legitimering

Dette målområdet handlar om språket si stilling som undervisningsfag i norsk skule, og historiske og internasjonale tilhøve som kastar lys over dagens situasjon for framandspråket i Noreg.

#### Målområde 2: Språklæringsteoriar og undervisningsmetodar

Målområdet dekkjer ulike læresyn og metodiske tilnærmingar, og ei vurdering av sterke og svake sider i ein læringssituasjon vert sentral.

#### Målområde 3: Planlegging og tilrettelegging av undervisning og læring

Dette målområdet ser på språklæraren sine språkdidaktiske val i møte med elevane og deira individuelle læringsprosessar. I denne samanheng står tilpassa opplæring sentralt.

#### Målområde 4: Vurdering og rettleiing

Målområdet tek opp vurdering og rettleiing av språkproduksjon og språkforståing blant elevane.

#### Målområde 5: Tilrettelegging for estetiske erfaringar

Her er det lagt vekt på dei læringsmoglegheitene som ligg i møtet mellom kulturar, språk og estetiske opplevingar og erkjenningar.

#### Målområde 6: Språklæring og yrkesfag

Dette målområdet handlar om tilrettelegging av framandspråkopplæringa innafor yrkesfag.

**Følgjande undervisningsemne** vil til vanleg vere sentrale:

- Framandspråk i skulen - før og no
- Planar og læremiddel
- Språk og læring
- Framandspråklæraren
- Tilpassa opplæring
- Planlegging og gjennomføring av undervisning
- Arbeid med tekstar
- Prosjektarbeid
- Vurdering

### ***Organisering og arbeidsformer***

Fagdidaktikkstudiet i framandspråk er teori- og praksisbasert. Undervisninga legg vekt på å integrere praksiserfaringar og den teoretiske delen av fagstudiet, og til vanleg vil undervisninga gå føre seg i grupper med vekt på studentaktivitet.

### ***Pensum***

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. 1996. (Generell del og fagplan for det aktuelle faget; om lag 90 s.)

Læreplan for vidaregåande opplæring. Fagplan for det aktuelle faget. Studieretningsfag for allmenne og økonomiske/administrative fag. 1994. (Om lag 10 s.)

Jeremy Harmer: The Practice of English Language Teaching. Longman, 1994. (Om lag 270 s.)

I tillegg vil det óg kome nokre artiklar frå tidsskrift og/eller bøker.

### **3.3.4 Fagplan for fagdidaktikk i religion, kristendomskunnskap, livssynskunnskap og filosofi**

#### **INNLEIING**

Fagplanen byggjer på Rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning ( fastsett av KUF 1/7 -99). Etter rammeplanen skal studiet kvalifisere for undervisning i

· grunnskulen på mellom- og ungdomstrinnet:  
Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (L-97)

· vidaregåande opplæring:  
Religion og etikk (R-94) på studieretning for allmenne fag (Komponentar: "Framande religionar", "kristendomen" og "livssyn og etikk"); religion og etikk på andre studieretningar; filosofi valfag.

#### **MÅL OG MÅLOMRÅDE**

Rammeplanen gjer greie for måla med faget, og deler studieinnhaldet inn i fem målområde:

1. Faga sin eigenart, utvikling og legitimering
2. Lærestoff og elevføresetnader
3. Lærarrolle og yrkesetikk
4. Arbeidsformer og praktisk-pedagogisk dugleik
5. Forsøks- og utviklingsarbeid.

Ved Høgskulen i Volda vert det lagt særleg vekt på målområda 1, 3 og 4.

#### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Organiseringa av undervisningsøktene vert tilpassa resten av fagdidaktikken  
Ved PPU- studiet (jf. eigen undervisningsplan).

Studiet i fagdidaktikk skal setje studentane i stand til å formidle fagleg basert og relevant kunnskap og dugleik til elevane, og å organisere arbeidet i skulen på slike måtar at elevane vert kjende med problemstillingar, innhald og metodar i dei aktuelle faga. For å nå slike mål bør arbeidsformene vere varierte. Kurset vert basert på aktivt samspel studentane imellom, og mellom lærarane og studentane. Studentane skal under rettleiing trenast i arbeid med fagdidiaktiske spørsmål både gjennom førelsingar, seminar og gruppearbeid. Det kan også leggest opp til samtaleimar der lærar og studentar drøftar visse tema, eller der studentane på eiga hand arbeider med aktuelle problemstillingar.

Undervisninga vil i tillegg arbeide med den haldningsskapande sida ved faga, og førebu studentane også på den delen av lærargjeringa. Studentane skal stimulerast til å sjå dei særeigne sidene ved faga kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (grunnskulen) og religion og etikk (vidaregåande); at undervisninga tek opp eksistensielle spørsmål og må gjere bruk av metodar som gjev rom for oppleving, undring og refleksjon.

#### **VURDERING**

Sjå avsnittet om avsluttande vurdering i fellesdelen av fagplanen for PPU ved Høgskulen i Volda.

#### **PENSUM**

Hovudboka vil vere

Afdal, Haakedal og Leganger-Krogstad, *Tro, livstolkning og tradisjon. Innføring i kontekstuell religionsdidaktikk*. Oslo (Tano-Aschehoug) 1997.

Detaljert pensumliste vert presentert når undervisninga startar opp.



### 3.3.5 Fagplan for fagdidaktikk i kroppsøving

#### *Innledning*

Fagplanen bygger på "Rammeplan for Praktisk-Pedagogisk utdanning" (KUF, 1998). Fagplanen i spesifikk fagdidaktikk i kroppsøving legger grunnlaget for arbeid i:

Grunnskolen på mellom- og ungdomstrinnet:

Kroppsøving som felles allment fag

I videregående opplæring:

Kroppsøving som felles allment fag, studieretning for idrettsfag, valgfag kroppsøving/friluftsliv

Fagets kjerne er bevegelse. Bevegelse ses på som en fundamental egenskap ved menneskelig atferd. Lek, dans, idrett og andre former for fysisk aktivitet er en viktig del både i lokal, nasjonal og internasjonal kultur. Fysisk aktivitet er en vesentlig forutsetning for barns fysiske, psykiske og sosiale utvikling. Utvidet skoletilbud og et økende antall fritidsaktiviteter uten elementer av allsidig fysisk aktivitet synes å føre til at stadig flere barn, unge og voksne anvender mindre tid til fysisk arbeid, lek, idrett og friluftsliv. Allsidig kroppsøvingundervisning i et positivt miljø kan motvirke uheldige sider ved denne utviklingen og bidra til å skape økt interesse for en fysisk aktiv og helsefremmende livsstil.

Kroppsøving og idrettsfag har elementer fra bl a idrett, flere tradisjonelle humanistiske og naturvitenskapelige fag og kunstfag. Ny innsikt i kroppsøving og idrettsfag vinnes gjennom å benytte fagkunnskap og metoder fra disse ulike fagtradisjonene.

Kroppsøving og idrettsfag består av lek, dans, idrett, friluftsliv og annen form for fysisk aktivitet som er en viktig del av vår kultur. Kunnskap om de historiske og samfunnsmessige betingelser og forutsetninger for fagene er viktige for å kunne forstå og reflektere over fagenes plass og funksjon i dag, og for å kunne utvikle fagene i pakt med endringene i samfunnet.

Fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag er nært knyttet til de ulike læreplanene og omhandler refleksjon over forhold knyttet til undervisning og læring av disse fagene, og det å kunne se fagene i ulike perspektiver. Dette krever et samspill med både pedagogikk og praksisopplæring.

## Kroppsøving og idrettsfag i opplæringssystemet

Synet på fysisk fostring som et element i allmenndanningen har variert fra oldtidens Aten, hvor man ville utvikle menneskenes evner både kroppslig, intellektuelt og moralsk, til senere tiders mer dualistiske syn på kropp og sjel. For ca 150 år siden kom den første norske skoleloven som hadde med kroppsøving som fag, men kun valgfritt og for gutter i byene. Jentene kom med først 90 år senere. Historisk har det vært store motsetninger i begrunnelsen for faget i skolen. Striden stod om man skulle gjøre elevene i stand til å forsvare landet, eller om man skulle gi dem en allmenn danning. Fra 1930-årene ble det lagt vekt på kroppsøving som et viktig ledd i det helsefremmende arbeidet. Bevegelsesgleden og trangen til å prøve krefter med andre mennesker har gitt oss idretten som fritidsaktivitet og et viktig element i vår kultur. Fra 1970-årene har det blitt lagt mer vekt på skapende virksomhet og estetikk. I årenes løp har vårt forhold til naturen endret seg. Det har gitt friluftsliv en stadig mer sentral og større plass i faget. De samme utviklingstrekkene finner vi igjen både i grunnskolen og i videregående opplæring.

Glede over å være i bevegelse, og det å drive med lek, dans, idrett og friluftsliv med røtter både i vår kultur og i fremmede kulturer, er sentralt for den fysiske aktiviteten både i barnehagen, grunnskolen og i videregående opplæring. Fysisk aktivitet er viktig i arbeidet med å fremme kvaliteter som likestilling, estetikk, kreativitet og samarbeid. Fysisk aktivitet har i barnehage og skole både egenverdi og nytteverdi. Siktemålet med kroppsøving er bl a at elevene skal utvikle en basis for å velge aktivitetsformer som passer deres interesser og forutsetninger og få utvidede muligheter til sosialt samvær i fritida. Dette skal videre bidra til å legge grunnlag for en fysisk aktiv og helsefremmende livsstil. For elever som ønsker å lære om og drive idrett, og/eller kombinere idrett og utdanning, er studieretning for idrettsfag utviklet.

Studieretning for idrettsfag kom inn i videregående opplæring med lov om videregående opplæring i 1974 som såkalt kombinert grunnkurs. Fra tidlig på 1980-tallet har studieretningen utviklet seg som et treårig sammenhengende løp mot generell studiekompetanse. Etter Reform 94 er idrettsfag en av de tre allmennfaglige studieretningene. Sammenliknet med kroppsøving, som er et obligatorisk fag i videregående opplæring, stiller

arbeidet med studieretning for idrettsfag både fagdidaktisk og idrettsfaglig andre krav.

Ved høyskoler og universiteter gis det, i tillegg til utdanning for grunnskole og videregående opplæring, utdanning for fysisk fostring i barnehage, idrett og annen frivillig aktivitet. Kroppsøving og idrettsfag tilbys som studiefag og vitenskapsfag ved universiteter og høyskoler. Idrett kan studeres innen ulike fagdisipliner som naturvitenskap, samfunnsvitenskap og humaniora.

## Fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag i lærerutdanningen

Fagdidaktikk i kroppsøving undervises både i allmennlærerutdanning, førskolelærerutdanning og faglærerutdanning. I praktisk-pedagogisk utdanning inngår fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag. Ulike former for undervisning knyttet til fysisk aktivitet har en god del felles. Samtidig stiller undervisning knyttet til f eks fysisk fostring i barnehage, kroppsøving som allmennfag i grunnskole og videregående opplæring og idrettsfag i videregående opplæring, ulike krav til lærernes fagdidaktiske kvalifikasjoner. Det finnes derfor ulike varianter av fagdidaktikk i fagområdet ved de ulike lærerutdanningsinstitusjonene.

I praktisk-pedagogisk utdanning er det fagdidaktikkens oppgave bl a å knytte den kompetansen studentene har fra idrettsfaglige studier sammen med pedagogisk og idrettspedagogisk kompetanse. Det er et siktemål at arbeidet med fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag skal gi forståelse for sammenhenger mellom praksis og teori i praktisk-pedagogisk utdanning og i studentenes framtidige profesjon som lærere i kroppsøving og/eller idrettsfag.

Opptak til studiet i fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag krever minimum 20 vekttall idrettsfag hvor innholdet har relevans for undervisning i skolen.

I denne rammeplanen er faget bygd opp om følgende fem målområder:

- Fagenes egenart, utvikling og legitimering
- Planarbeid
- Tilrettelegging og gjennomføring av undervisning og læring
- Vurdering og veiledning
- Forsøks- og utviklingsarbeid.

Denne oppdelingen er gjort av praktiske og systematiske hensyn. I studiet vil en som regel arbeide innenfor flere områder samtidig.

### **MÅL OG MÅLOMRÅDER**

## Mål

Studentene skal

- tilegne seg kunnskap om den fysiske aktivitets plass og funksjon i skole og samfunn og den betydning det kan ha for det enkelte individ
- utvikle evne til å analysere og vurdere eget fagsyn, fagets muligheter og egen rolle i forbindelse med å skape et positivt læringsmiljø som gir alle elevene lyst til å være i fysisk aktivitet
- tilegne seg kunnskap om og ferdighet i å velge og vurdere lærestoff, læremidler, arbeidsmåter og vurderingsformer som er aktuelle innenfor kroppsøving og idrettsfag, tilpasset ulike undervisningsnivåer og elevforutsetninger.
- utvikle evne til kritisk å kunne analysere og vurdere kroppsøving og idrettsfag i et kultur- og samfunnsperspektiv
- utvikle evne til å planlegge, gjennomføre og vurdere ulike former for fagutvikling og bidra til fornying i kroppsøving i grunnskole og kroppsøving og idrettsfag i videregående opplæring
- utvikle positiv holdning til faget og bli inspirert til å utvikle sin undervisning i samspill med elevene.

## Målområder

### **Fagenes egenart, utvikling og legitimering**

For å forstå faget i dag og se muligheter for utvikling, er det viktig å kjenne fagets historie og hvordan faget er

endret med skiftende samfunnsforhold. En stor del av argumentasjonen for faget er preget av et instrumentelt syn på faget. Derfor er det viktig at fagets egenverdi også vektlegges.

Studentene skal kunne

- gjøre rede for å den historiske utviklingen av kroppsøving og idrettsfag; legitimering, innhold og kjønnsforskjeller
- gjøre rede for og drøfte ideer, samfunnsmessige forhold og skolepolitiske strømninger som har påvirket kroppsøving og idrettsfag
- formulere eget fagdidaktisk ståsted
- gjøre rede for kroppsøving og idrettsfagets plass i skolen og fysisk aktivitets plass i en helhetlig skolehverdag for både gutter og jenter.

Planarbeid

Skolen krever profesjonelle lærere som arbeider etter sentralt gitte mål og retningslinjer. I den sammenheng er det viktig å kunne analysere og vurdere de aktuelle plandokumentene. Prosessene fra offentlige planer til lærerens undervisningsplaner er også viktige.

Studentene skal kunne

- gjøre rede for innhold og struktur i gjeldende læreplaner og kunne analysere og vurdere læreplanene i forhold til praktisk arbeid i skolen generelt og fysisk aktivitet spesielt
- gjøre rede for lover og forskrifter og andre rammefaktorerers innvirkning på fysisk aktiv lek, idrett, dans, friluftsliv og annen fysisk aktivitet i skolen
- gjøre rede for og kunne arbeide med prosessene og sammenhengen fra formell læreplan til ulike typer planer, f eks årsplan, periodeplan og individuelle opplæringsplaner
- vise at de har kunnskaper, ferdigheter og holdninger slik at de både kan ta initiativ til og delta konstruktivt i lokalt læreplanarbeid, lokalt utviklingsarbeid, tverrfaglig undervisning og prosjektarbeid med utgangspunkt i egen fagbakgrunn.

## *Tilrettelegging og gjennomføring av undervisning og læring*

Opplæring er skolens hovedoppgave. Både praktisk erfaring og et grundig teoretisk grunnlag er viktig for å tilrettelegge god opplæring for alle elever.

Studentene skal kunne

- gjøre rede for ulike måter å organisere lærestoffet på og ulike undervisningsprinsippers anvendelighet i kroppsøving og idrettsfag, og kunne vise at de kan bruke denne kunnskapen i egen undervisningspraksis
- planlegge og lede prosjekt- og tverrfaglig arbeid der kroppsøving og idrettsfag er en sentral del
- vise ansvar i forhold til sin rolle som forbilde for gutter og jenter og ha et reflektert forhold til de etiske sidene knyttet til kroppsøving og idrettsfags særegenhet
- tilpasse opplæringen til alle elever og kunne identifisere elever med forsinket motorisk utvikling, vanlige fysiske og psykososiale lidelser og andre forhold som krever særskilt tilrettelagt opplæring
- drøfte problemstillinger knyttet til forholdet mellom kroppsøving og kulturell identitet og formidling av lek, dans, idrett, friluftsliv og annen type fysisk aktivitet over kulturelle grenser ·bruke lære- og hjelpemidler, bl a informasjons- og kommunikasjonsteknologi og audiovisuelle hjelpemidler i undervisningen, og kritisk kunne vurdere lærebøker og vurdere utstyr, aktiviteter og aktivitetsmiljø, med tanke på allsidig fysisk aktivitet og sikkerhet
- tilrettelegge, gjennomføre, analysere og vurdere opplæring ut fra læreplaner, kunnskap om læring, motivasjon, sosialt samspill og samarbeid i skolen.

### **Vurdering og veiledning**

Det er mange forhold som virker inn på elevenes læring og på skolenes evne til å utvikle seg. Lærere med kunnskap om, erfaring med og ikke minst evne til refleksjon rundt vurdering og veiledning er viktige i arbeidet med å sikre et godt og likeverdig opplæringstilbud for alle.

Studentene skal kunne

- gjøre rede for vurdering i kroppsøving og idrettsfag i følge forskrifter og planer
- gjøre rede for ulike vurderingsformer med tanke på vurdering, med og uten karakter, av ferdigheter, kunnskaper og holdninger, og samarbeid og innsats i kroppsøving og idrettsfag og kunne bruke denne kunnskapen i egen undervisning
- kritisk vurdere og utvikle sin lærerrolle og undervisning i forhold til planer, elevenes læringsutbytte og i forhold til å skape et læringsmiljø som fremmer en aktiv elevrolle
- analysere og vurdere kroppsøving og idrettsfagets plass og muligheter i en helhetlig skoleutvikling.

### **Forsøks- og utviklingsarbeid**

Forsøks- og utviklingsarbeid er tiltak som kan gi bedre innsikt i problemer knyttet til undervisning og læring. Slikt arbeid vil også være nødvendig for å møte ny utfordringer etter hvert som vilkårene endres for undervisning i kroppsøving og idrettsfag i opplæringssystemet. Innsikt i og motivasjon for å delta i forsøks- og utviklingsarbeid er nødvendig både for egen faglig-pedagogisk utvikling og for å kunne bidra til slik utvikling i opplæringssektoren.

Studentene skal kunne

- gjøre rede for ulike former for forsøks- og utviklingsarbeid innen fagområdet
- benytte metoder for å undersøke, analysere og videreutvikle arbeidet med kroppsøving og idrettsfag
- gjøre rede for ulike måter å informere om og dokumentere FoU-arbeid på innen kroppsøving og idrettsfag
- gjøre rede for noen aktuelle forsøks- og utviklingsarbeid innen fagområdet og være bevisst forventningene om å delta i slik arbeid.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Dette er en fagplan for grunnenheten i fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag. Alle studenter som gjennomfører praktisk-pedagogisk utdanning i kroppsøving og idrettsfag skal ta denne grunnenheten, enten de kompetanse fra flere fag eller de bare har fagkompetanse i kroppsøving eller idrettsfag.

I organiseringen av grunnenheten skal deler av studieinnholdet være felles for fagområdet kroppsøving og idrettsfag og deler være spesifikke for hvert av skolefagene. Vektingen mellom fellesstoff og det som tilrettelegges spesifikt for hvert av skolefagene avgjøres av den enkelte lærerutdanningsinstitusjon.

Studenter med bakgrunn kun i kroppsøving eller idrettsfag gjennomfører 10 vekttall fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag. Institusjoner som ønsker å tilby en slik 5 vekttalls påbyggingsenhet selv opp et slikt tilbud innenfor følgende rammer:

- Påbyggingsenhet skal bygge på og inneholde de samme målområdene som denne rammeplanen.
- Grunnenheten og påbyggingsenhet kan organiseres hver for seg eller sammen.
- Påbyggingsenhet skal gi muligheter for å velge fordypning innenfor ulike tema i det fagdidaktiske området og eventuelt spesialisering innenfor skoleslag.
- Til påbyggingsenhet skal det knyttes like mye praksisopplæring som til grunnenheten.

Studiet i fagdidaktikk i kroppsøving og idrettsfag må organiseres slik at det fremmer studentenes forståelse av sammenhengen mellom ulike fag og emners teoretiske basis og de kunnskaper, ferdigheter og holdninger som er sentrale i kroppsøving og idrettsfag. Studiet må være en vekselvirkning mellom studiefaget idrett og dets basisfag, og skolefaget kroppsøving og skolefaget idrettsfag med tanke på å kunne analysere og vurdere kritisk planer for og undervisning i kroppsøving på ulike skole- og alderstrinn.

Det må legges vekt på at studentene stimuleres til å tenke kreativt og konstruktivt i forbindelse med kroppsøving og idrettsfag under ulike rammebetingelser. Det må også legges vekt på at studentene skal få trening i å behandle faglige temaer i både skriftlig og muntlig form. Studie- og arbeidsformene må varieres med for eksempel forelesninger, undervisning i sal, gruppearbeid, temaframlegging av studentene, prosjektarbeid etc.

### **VURDERING**

#### *Eksamen i spesifikk fagdidaktikk*

Se pkt. 2.5 om avsluttende vurdering og om eksamen.

## **Litteraturliste**

Læreplan for den 10-årige grunnskolen (L-97). S. 261 - 275.

KUF 1996.

Læreplan for den videregående skolen, kroppsøving

KUF, 1996

Veiledning til læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. Kroppsøving.

KUF/NLS, 1997.

G. Patriksson, O. Sletta, B. Tofte. *Pedagogikk, idrett og samfunn i et internasjonalt perspektiv*. Høyskoleforlaget. 1995.

### **3.3.6 Fagplan for fagdidaktikk i musikk**

Fagplanen byggjer på " Rammepplan for praktisk-pedagogisk utdanning (fastsett 03.04.98):

3.9 Fagdidaktikk i musikk".

#### **Mål**

Gjennom arbeidet med fagdidaktikk i musikk skal studentane kvalifisere seg for å

· planleggje, gjennomføre, vurdere og grunnge musikkpedagogisk verksemd

tilpassa den einskilde elev og elevgruppe

· halde vedlike musikkpedagogiske oppgåver på ein yrkesetisk, konstruktiv

og samarbeidsvillig måte

· sjå musikkpedagogen sitt ansvar og oppgåver som lekk i ein større kulturell

og samfunnsmessig heilskap

· følgje med i den musikkpedagogiske utviklinga og skape fornying innanfor fagfeltet

Faget er bygd opp i følgjande fem målområde:

1. Musikkpedagogisk grunnlagstenking

2. Planarbeid

3. Lærestoff og arbeidsformer

4. Tilpassa opplæring

5. Vurdering og rettleiing

Denne delinga er gjort av praktiske og systematiske omsyn. I studiet vil ein arbeide innan fleire område samtidig.

#### **Innhald**

## **1. Musikkpedagogisk grunnlagstenking**

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

· musikkssyn, musikkestetikk og musikalitet

· legitimering av musikkpedagogisk verksemd

· musikkpedagogiske opplæringssystem og yrkesfunksjonar

· musikkpedagogiske hovudretningar

· musikkpedagogisk verksemd. i tverrfagleg undervisning

## 2. Planarbeid

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

- aktuelle læreplanar i musikk
- planlegging av musikkpedagogisk verksemd
- musikkpedagogisk verksemd i ulike musikkulturar
- lokalt læreplan- og -utviklingsarbeid
- tverrfagleg undervisning og prosjektarbeid med musikk som regifag

## 3. Lærestoff og arbeidsformer

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

- val av lærestoff og arbeidsformer
- metodiske læreverk
- pedagogiske hjelpeinstrument, ulike hjelpemiddel i musikkpedagogisk verksemd
- omgrep, oppleving, utøving og samarbeid i musikkpedagogisk verksemd
- IKT i musikkpedagogisk verksemd

## 4. Tilpassa opplæring

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

- musikkpedagogisk verksemd for elevar med ulike føresetnader og tilpassningsbehov
- musikkpedagogisk verksemd for elevar med ulik norsk og framandkulturell bakgrunn

## 5. Vurdering og rettleiing.

Studiearbeidet omfattar følgjande fagområde:

- elevvurdering og vurderingsformer i musikkpedagogisk verksemd
- kontinuerleg rettleiing og vurdering
- samarbeid med heimen

Arbeid med å identifisere høve til musikkpedagogisk utviklingsarbeid er knytt til alle dei fem målområda.

### **Organisering og arbeidsformer**

Studiet er praksisbasert. Ein del av arbeidet med fagdidaktikk i musikk vil vere å bearbeide, analysere, drøfte og reflektere over musikkundervisning i praksis. Det er slik naudsynt at studentane systematisk samlar røynsler frå eige praksisarbeid i studiet. Det blir lagt vekt på relevante arbeidsformer i aktuelle skuleslag, særleg prosjektarbeid og temaorienterte arbeidsformer.

Undervisninga går til vanleg føre seg i den gruppa kurset utgjer, men kan også organiserast i mindre grupper. Undervisninga omfattar førelesing, drøfting og utgreiingar i høve til dei ulike målområda.

Faget set store krav til eige studiearbeid, individuelt og i grupper.

### **Vurdering**

Sjå punkt 2.5 om avsluttande vurdering og om eksamen

### **Pensumlitteratur**

Hanken, Ingrid Maria og  
Geir Johansen Musikkundervisningens didaktikk. Cappelen Akademisk Forlag

1997

Det kongelege kyrkje- og undervisningsdep.: Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen.

Varkøy, Øyvind Hvorfor musikk? - en musikkpedagogisk idéhistorie. Ad Notam

Gyldendal, Oslo 1993

Andreassen, Mogens W. Om musikalsk fagdidaktik. Wilh. Hansen, København 1979.

Bastian, Peter Inn i musikken. En bok om musikk og bevissthet. (Norsk

utgave) Gyldendal, Gjøvik 1988.

Ruud, Even Musikken - vårt nye rusmiddel?

Ruud, Even Musikkpedagogisk teori

### **Tillegglitteratur:**

Bjørkvold, Jon-Roar Det musiske mennesket. Barnet og sangen, lek og læring gjennom livets faser. Freidig, Oslo 1989

Ruud, Even Musikk og identitet. Universitetsforlaget 1997

Ruud, Even Musikk og verdier. Universitetsforlaget 1996

Nielsen, Frede V. Almen musikdidaktik. Danmarks lærerhøjskole

Jørgensen, Harald Sang og musikk. Et fags utvikling i grunnskolen fra 1945

til 1980. Ascehoug, Oslo 1982b

Christensen, Bernhard Mit motiv. Musikpedagogik bygget på rytme og improvisasjon.

Gyldendal, København 1983.

Aktuelle musikkverk for grunnskule og vidaregåande skule.

### **3.3.7 Fagplan for fagdidaktikk i samfunnsfag**

#### **MÅL OG MÅLOMRÅDER**

##### **Mål**

Studentene skal

- utvikle evne til å formulere målsetninger for samfunnsfagundervisningen når det gjelder fagdisiplinenes egenart, utvikling og legitimering
- tilegne seg kunnskap om læreplanene for faggruppen i de ulike skoleslag sett i lys av den generelle læreplanen, og være i stand til å analysere og vurdere innholdet i disse
- utvikle fagdidaktisk kunnskap og ferdighet til å velge og foreta en kritisk og analytisk vurdering av lærestoff, læremidler, ulike arbeidsformer knyttet til yrkesretting, og aktiv bruk av IKT
- utvikle forståing for at tilpasset opplæring betyr at alle elever har krav på undervisning

tilpasset egne interesser, anlegg og forutsetninger. Gjennom PPU studiet tar vi sikte på å bygge opp

studentenes kompetanse til selv å anvende slike arbeidsformer og til å organisere undervisning med disse arbeidsformene

- utvikle evne til å legge til rette for aktiv elevdeltaking i planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisnings- og læringsprosessen i samfunnsfag, slik at elevene utvikler evne til medansvar og innsikt i sin egen læringsprosess
- tilegne seg innsikt i fagdidaktisk forskning og i aktuelle fagdidaktiske problemstillinger innenfor fagområdet samfunnsfag.

### **Målområder:**

## Fagenes egenart, utvikling og legitimering

Dette målområdet omhandler begrunnelser for skolefaget og de ulike fagdisiplinenes egenart og utvikling innenfor samfunnsfag.

## Læreplanverket som styringsdokument

Dette målområdet omfatter kritisk vurdering av de enkelte læreplaner i forhold til fagtradisjon og praksis. Sentralt står kritisk refleksjon omkring forholdet mellom intensjoner i lærerplanene og virkeligheten i skolehverdagen.

## Arbeidsformer og praktisk-pedagogiske ferdigheter

Dette målområdet fokuserer på måter å planlegge og gjennomføre en variert, reflektert og motiverende undervisning på med utgangspunkt i fagtradisjon og læreplanverk. Målområdet omfatter også de arbeidsformer som ligger i bruk av tverrfaglig tilnærming, tilpasset opplæring og informasjons- og kommunikasjonsteknologi i samfunnsfagundervisningen

## Analyse og kritisk refleksjon over fagdidaktiske problemstillinger

Dette målområdet omfatter kritisk analyse av samfunnsfagenes plass i skolen og fagenes utviklingsmuligheter i forhold til utfordringene i dagens og morgendagens samfunn. Målområdet tar også for seg hvordan ny kunnskap vinnes på fagområdet.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Studentgruppas sammensetning vil til en viss grad bestemme hvilke emner som blir vektlagt i undervisningen. Sentrale undervisningsemner vil til vanlig være:

- Samfunnsfagene sin egenart, utvikling og legitimering
- Læreplanverket som styringsdokument
- Læreboka - analyse og plass i undervisningen
- Fortellingen i undervisningen
- Bruk av samfunnsfaglige kilder i undervisningen
- Bruk av IT i undervisningen
- Vurdering og veiledning

Undervisningen vil til vanlig foregå i grupper med vekt på studentaktive læringsformer.

### **VURDERING**

Se fagplan for praktisk pedagogisk utdanning ved Høgskulen i Volda, punkt 2,5 om avsluttende vurdering og om eksamen.

### **Pensum:**

Pensum blir delt ut ved undervisningsstart.



### 3.3.8 Fagplan for fagdidaktikk i matematikk

#### **Mål:**

Rammeplanen for fagdidaktikk i matematikk har desse hovudmålområda:

- Matematikk som kunnskapsområde
- Læring av matematikk
- Undervisning av matematikk

Gjennom arbeidet med faget skal studentane

- utvide sine perspektiv på matematikkfaget sitt særpreg og utvikling og faget sin rolle i samfunnet
- sette seg inn i gjeldande læreplanar for matematikk i skuleverket og matematikken si utvikling som skulefag
- tileigne seg kunnskap om sentrale teoriar for læring av matematikk, om omgrepsutvikling og typiske misoppfatningar og om fagspesifikke lærevarskar
- utvikle sine evner til å planlegge og vurdere matematikkundervisning med utgangspunkt i teori, læreplanar og reflektert røynsle
- tileigne seg innsikt i og røynsle med læreverk og hjelpemidlar som kan nyttast i matematikkundervisning, til dømes didaktisk bruk av IKT.
- bli bevisste på og utvikle sine haldningar til elevar, kollegialt samarbeid og si eiga lærarrolle
- byrje å utvikle eit kritisk og konstruktivt syn på dagens matematikkundervisning, slik at dei gjennom praksisrøynsle og fagdidaktisk kunnskap kan vere med på å utvikle skulefaget vidare.

#### **Innhald:**

Det sentrale perspektivet i arbeidet med faget er læringsperspektivet. Ut frå dette perspektivet vil vi ta opp ein del kunnskapsområde som er nyttige, men som sjeldan vert vektlagt i det matematikkfaglege studiet. Dette gjeld særleg matematikkens historie. Ein vil også prøve å kaste lys over samanhengen mellom matematikkfaget og andre fag, ved å gje døme på t.d. matematisk modellbygging. Det vil også elles verte lagt vekt på å utvikle synet for både den faglege og sosiale konteksten som faget står i, og som undervisning og læring skjer i. Studentane skal få innsyn i nyare læringsteoriar som t.d. konstruktivismen.

Det er også viktig at studentane orienterer seg i retning av praktisk undervisningsarbeid. Gjennom studiar av lærebøker, læremidlar, presentasjons- og konkretiseringsmetodar vil fagdidaktikken gje studentane idear som dei kan arbeide vidare med.

#### **Arbeidsformer:**

Arbeidsformene vil vere ein kombinasjon av førelesingar, seminarprega samlingar, prosjektarbeid og sjølvstudium. Arbeidsformene vil bli tilpassa studenttalet på kurset.

#### **Pensumlitteratur:**

Litteraturlista er førebels. Endringar vert avtala i byrjinga av studiet.

Ragnar Solvang: Matematikk-didaktikk, NKI 1992.

George Gheverghese Joseph: The crest of the peacock : non-European roots of mathematics, London : Penguin, [1992]., s. 1-90.

Frå Breiteig, Hutley og Kaiser-Messmer (ed): Teaching and learning mathematics in context, Ellis Horwood 1993:  
Blum: Mathematical Modelling in Mathematics Education and Instruction, s.3-14.  
Carr: Problems and Projects for Teaching Modelling, s.15-25.  
Usiskin: Conceptions of Mathematical Modelling and Their Implications for the Future, s.26-36.

Frå Nissen, Blomhøj: Hul i kulturen, Spektrum, København 1994:

Nissen: Matematikkundervisning i en demokratisk kultur, s. 9-21.

Lindenskov: Samtalen der blev væk- elevens egen læreplan, s. 22-40.

Frå NOMAD, vol.1 nr. 1 1993:

Bjørkquist: Social konstruktivism som grund for matematikundervisning, s.8-17.

Blomhøj: Modellerings betydning for tilegnelsen af matematiske begreber, s.18-39.

Frå Glasersfeld, E. v.: Radical Constructivism in Mathematics Education, Kluwer 1991:

John Richards: Mathematical Discussions, s.13-51.

### **3.3.9 Fagplan for fagdidaktikk i naturfag**

#### ***Innledning***

Fagplanen bygger på den midlertidige utgaven av Rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning (KUF 3.4.98). Faget er beregnet for studenter som gjennomfører eller har avsluttet fagstudier innenfor naturfagene. Studiet er sikket inn mot naturfag i grunnskolen (mellomtrinn og ungdomstrinn); mot naturfag i grunnkursene i videregående opplæring; mot videregående kurs i biologi, fysikk og kjemi i videregående opplæring, og mot voksenopplæring på tilsvarende nivå. Naturvitenskapelige metoder med kreativ tenking, hypotesetesting og utvikling av modeller og teorier er en vesentlig del av naturvitenskapene. Arbeidsmåtene har hatt stor overføringsverdi til andre fag, og dermed stor betydning for deres utvikling. Fagdidaktikk i naturfag omfatter kunnskap om og refleksjon over mål, innhold, arbeids- og vurderingsformer i naturfagene. Arbeidet er rettet både mot faglig lærestoff og mot utvikling av holdninger og innstillinger som er inkludert i målene for naturfagene.

#### ***Mål***

Fagdidaktikk i naturfag skal gi studentene følgende ferdigheter:

- Å kunne planlegge og gjennomføre undervisning basert på gjeldende læreplaner.
- Å være oppmerksom på og ta hensyn til elevenes holdninger til naturfag basert på kjønn, kulturell bakgrunn, erfaringer og forkunnskaper, og bruke dette i tilpasset undervisning.
- Å kjenne til læringsmiljøets betydning for læring og læringsvaner, og bruke denne innsikten i samarbeid med elever og lærere.
- Å kjenne til naturfagenes betydning for elevenes hverdag og kunne bevisstgjøre elevene om fagenes innvirkning på samfunnet.
- Å kunne vurdere læringsarbeid i naturfag og læringsutbytte for den enkelte elev.

#### ***Hovedemner***

## **1. Planlegging og tilrettelegging av undervisning og læring**

- Bruk av gjeldende læreplaner i planlegging av undervisningen, med vekt på hvordan ulike kunnskaps- og læringssyn påvirker innhold og arbeidsformer i naturfagene.
- Yrkesretting av naturfagundervisning i videregående opplæring slik at elever på yrkesfaglige studieretninger kan dra nytte av naturfaglig kunnskap i sin yrkesopplæring.
- Arbeidsmåter i naturfagene og organisering av læringsaktiviteter med tanke på best mulig motivasjon og læringsutbytte hos elevene.
- Vurdering og utforming av oppgaver og praktisk arbeid i naturfagene med utgangspunkt i elevers motivasjon og kunnskapsnivå, og med hensyn til relevans for læreplanen, samfunnet og eleven.
- Læremidler og hjelpemidler, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi, i naturfagundervisning.
- Sikkerhet ved felt- og laboratoriearbeid.
- Prinsipper for formidling av holdninger og innstillinger, og hvordan slike prinsipper kan anvendes i naturfagundervisning.
- Naturfagdidaktisk forskning og utviklingsarbeid, og konsekvenser for egen undervisning.

## **2. Elevenes bakgrunn og forutsetninger for læring. Tilpasset opplæring**

- Elevenes erfarings- og kunnskapsverden (forkunnskaper, hverdagsforestillinger, misoppfatninger).
- Elever med spesielle behov for tilpasning av naturfagundervisning og tilrettelegging av forholdene for slik undervisning innenfor de gitte rammene.
- Ulike elevholdninger til naturfagene, bl a basert på kjønn, kultur og geografi, og hvordan man som lærer skal

forholde seg til og eventuelt påvirke disse holdningene.

- - Forskningsresultater om naturfag og likestilling mellom kjønnene, og hvordan bruke denne kunnskapen i egne valg av innhold og arbeidsmåter.
- Eksempler på hvordan naturfagundervisning kan tilrettelegges voksenopplæring.

### 3. Samarbeid og læring

- Ulike former for samarbeid med elevene i planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning og læring i naturfag.
- Læringsstrategier i naturfag, med tanke på å påvirke og utvikle den enkelte elevs læringsvaner og det totale læringsmiljø i klassen eller gruppen.
- Læringsformer tilpasset at elevene skal være aktive, selvstendige og motivert for samarbeid med hverandre.
- Samarbeid med andre lærere om tverrfaglig organisert opplæring.

### 4. Naturfag og samfunn

- Naturfagenes plass og betydning i opplæringssystemet nasjonalt og internasjonalt, og deres plass i det norske opplæringssystemet.
- Hvordan naturfagundervisningen på ulike måter kan belyse den betydning naturvitenskap og teknologi har for utvikling av samfunn og kultur.
- Aktuelle samarbeidsformer med etater, bedrifter og institusjoner i lokalsamfunnet med tanke på å knytte forbindelse mellom samfunn og skole i arbeidet med naturfagene.
- Ulike metoder for bevisstgjøring og drøfting av sentrale etiske problemer knyttet til bruk av naturvitenskap og teknologi.

### 5. Vurdering og veiledning

- Ulike former for elevvurdering tilpasset læringsmål for naturfagene slik de er utformet i læreplanverket for grunnskole og videregående opplæring.
- Ulike former for veiledning av elever i arbeidet med naturfag.
- Kriterier for karaktersetning i naturfag med utgangspunkt i læreplanverket.

#### **Organisering og arbeidsformer**

Deler av studieinnholdet i naturfagdidaktikk er felles for alle naturfagene, mens andre deler er spesifikke for hvert av skolefagene biologi, fysikk og kjemi. Vektingen mellom fellesdelen og den fagspesifikke delen avgjøres i samråd med studentene.

Erfaringer fra praksisopplæringen kan trekkes inn og bearbeides i undervisningen i fagdidaktikk. Studiet legger vekt på erfaringer med praktisk arbeid (laboratoriearbeid, feltarbeid etc), men stiller også krav til egeninnsats når det gjelder gjennomgang av fagstoffet.

#### **Vurdering**

Sjå punkt 2.5 om avsluttande vurdering

#### **Pensum**

Den endelige sammensetningen av pensumet avgjøres i samråd med studentene, men vil ta utgangspunkt i følgende litteratur:

Sjøberg, S. 1998: Naturfag som allmennutdanning - en kritisk fagdidaktikk.

Ad Notam Gyldendal.

Utdelte kompendier og stensiler

Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------



- **DRAMA**

- [INNLEIING](#)
- [MÅL OG MÅLOMRÅDE](#)
- [INNHALD](#)
- [DRAMA 1](#)
  - [DR101 - Dramapedagogisk teori og praksis I - 15 studiepoeng](#)
  - [DR102 - Praktisk teaterarbeid og teater teori I - 15 studiepoeng](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING](#)
  - [PENSUM \(Dette er eit forslag. Endeleg pensumliste kjem ved studiestart\)](#)
- [DRAMA 2](#)
  - [DT 103 - Drama/teater. Pedagogikk og utviklingsarbeid II - 15 studiepoeng](#)
  - [DR104 - Praktisk teaterarbeid og teater teori II - 15 studiepoeng](#)
  - [DR105 - Kommunikasjon/retorikk og dramaturgi - 15 studiepoeng](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING](#)
  - [PENSUM \(dette er eit forslag. endeleg pensumliste kjem ved studiestart\)](#)
- [Drama 3](#)
  - [DR106 - Praktisk teaterarbeid og teater teori III - 15 studiepoeng](#)
  - [DR201 - Forsking og utviklingsarbeid \(FOU\) i drama/teater - 15 studiepoeng](#)
  - [VURDERING](#)
  - [PENSUM \(Dette er eit forslag. Endeleg pensumliste kjem ved studiestart\)](#)

## DRAMA

### INNLEIING

Dramatiske uttrykksformer har djupe historiske røter og har sett sitt preg på mange kulturar og samfunn. Teater er ei kunstform med innverknad på den kulturelle danninga i eit samfunn og på den offentlege debatten. Den dramatiske litteraturen er ein viktig del av vår nasjonale referanseramme. Teater gir menneske felles opplevingar, og er vesentleg når det gjeld å skape og utvikle identitet og tilhørsle.

Barnekulturen har halde i hevd og utvikla allsidige former for leik. Den dramatiske leiken tek opp i seg mange av leikformene, slik teaterkunsten nyttar seg av andre kunstformer.

Ungdom møter dramatisk fiksjon gjennom dataspel, levande rollespel og teatersport. I yrkeslivet tek ein i bruk rollespelsteknikkar på område som leiaropplæring og kollegarettleing, og i helsesektoren er ulike former for drama og teater ei verdfull erkjenningssform. Dessutan nyttar ein stadig oftare dramatiske verkemiddel og dramaturgiske grep i media sin presentasjon av verkelegheita og i offentleg debatt.

Skapande verksemd, oppleving og kreative uttrykksformer skal vere eit sentralt element både i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring, der drama også kan vere eit eige fag i studieretninga musikk, dans, drama. Drama kan dessutan bli nytta som emne for tverrfagleg prosjektarbeid og er eit aktuelt tema å velje for skolen og for elevane. Det blir utført omfattande undervisning i drama og teater innom skolefritidsordningar, kulturskolar og ulike organisasjonar som driv amatørteaterverksemd. Innan høgare utdanning er drama og teater studie- og forskingsfag ved fleire høgskolar og universitet.

## MÅL OG MÅLOMRÅDE

### *Felles mål for faget*

Studentane skal utvikle

- estetisk sans, skapande krefter og evne til å sjå verdien i den kunstnarlege prosessen og det skapande samspelet i dramaarbeid
- spelkompetanse som omfattar kunnskap, dugleik og haldningar i høve til dramatiske uttrykksformer
- dugleik i å analysere samanhengar mellom leik, kunst og pedagogikk
- kompetanse og reflekterte haldningar i høve til det å planleggje, gjennomføre og vurdere dramaundervisning for elevar med ulike føresetnader og ulik kulturell bakgrunn
- praktisk og teoretisk innsikt i skodespelaren, regissøren, scenografen og dramaturgen sine virkefelt, og kunnskapar om teaterkunsten sin eigenart og historiske utvikling
- dugleik i å analysere og vurdere ei teaterframsyning og til sjølv å medverke konstruktivt i ein teaterproduksjon

## INNHALD

Studiet kan takast som fag-/vidareutdanning og inngå som del av allmennlærerutdanninga. Det kan også inngå i ei faglærerutdanning.

Det er tre studieeiningar kvar på 30 studiepoeng i denne fagplanen. Kvar studieeining er strukturert omkring målområde som utfyller og grip inn i kvarandre, men dei enkelte studiemodulane på 15 studiepoeng kan takast som einskilde modular. Teaterteori og historie utgjer minst 20 studiepoeng for Drama I og II. Dei tre studieeiningane er bygd på kvarandre og organisert i modular som gir slik studiepoengoppbygging:

<p><b>Drama 1</b> DR101 - Dramaped. teori og praksis I (15 stp)</p> <p>DR102 - Praktisk teaterarbeid teaterteori I (15 stp)</p>	<p><b>Drama 2</b> DR103 - Drama/teater. Pedagogikk og utviklingsarbeid (15 stp)</p> <p>DR104 - Praktisk teaterarbeid og teaterteori II (15stp) eller DR105 - Kommunikasjon/retorikk, dramaturgi (15 stp)</p>	<p><b>Drama 3</b> DR106 - Praktisk teaterarbeid og teaterteori III (15stp)</p> <p><b>DR 201 - FOU (15stp)</b></p>
---	--	---

Det er obligatorisk oppmøte til alle modulane. Godkjent frammøte etter gjeldande reglar (gjeld for kvar modul). Frammøte skal være av ein slik art at studenten viser interesse og aktiv deltaking i faget. (Sjå generelt frammøtereglement)

## DRAMA 1

Drama I vil utvikle studenten sin dugleik til å uttrykkje seg gjennom dramatiske verkemiddel. Studiet vil vidare gi innsikt i korleis kan arbeide med drama og teater i skole og kulturliv.

### Moduloppbygging:

#### **DR101 - Dramapedagogisk teori og praksis I - 15 studiepoeng**

Innhaldet ber preg av at drama er eit estetisk fag, ei arbeidsform og eit uttrykksmiddel. Siktemålet er å binde dei ulike elementa saman i praksis og teori.

Studentane skal arbeide med desse emna:

- Dramapedagogisk praksis
- Dramapedagogisk historie og teori
- Utprøving og utforskning av dramaarbeid
- Planleggje, gjennomføre og vurdere dramaopplegg
- Tilpassa opplæring
- Estetikk

### **Vurderingsform:**

Skriftleg oppgåve. Studentane skal reflektere over eige dramapedagogisk arbeid i høve til målgruppe og fagdidaktisk teori. (Det vert gjeve nærare informasjon ved studiestart) Studentane får tilbakemelding i form av skriftleg/munnleg kommentarar undervegs og individuell bokstavkarakter.

### **DR102 - Praktisk teaterarbeid og teaterteori I - 15 studiepoeng**

Studentane skal arbeide med desse emna:

- Grunntrening
- Dramatiske uttrykksformer
- Arbeid med ulike tekstar og genrar. Dikt, novelle, eventyr m.a.
- Produksjon av t.d. forteljarteater, figurteater
- Teaterhistorie (oversikt)
- Dramaturgi, innføring
- Skodespelarkunst
- Estetikk

### **Vurderingsform:**

Kunstnarleg scenisk framføring for medstudentar, faglærer og sensor. Etter presentasjonen vert det lagt opp til ei drøfting og refleksjon kring eige arbeid. Karakter: Ein individuell bokstavkarakter.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Drama er eit kunstfag som baserer seg på kollektivt skapande verksemd. Dramafagleg kompetanse kan best utviklast i samspel med andre. Arbeidet vil bli organisert i ulike grupper av varierende storleik. Det er veksling mellom spontane, intuitive og meir analytiske problemløysande arbeidsmåtar.

Undervisinga vil ha ulike former som førelesing, demonstrasjon, diskusjon, prosjektarbeid, framføring, sjølvstudium, rettleiing og praktisk undervising.

Ei studiereise er lagt inn som ein obligatorisk del av studiet.

Skriftleg dokumentasjon i form av rapportar, prosess/produktevaluering, scenarier, oppgåveskriving mm, vert knytt til både det praktiske og teoretiske arbeidet. Studentane vert oppfordra til å ta i bruk IKT som hjelpemiddel både i samband med teoretisk og praktisk arbeid.

Evaluering er ein prosess ein har som mål å halde oppe gjennom heile studiet.

**Studieevaluering og faggruppe for studiekvalitet.** Sjå felles informasjon.

## **VURDERING**

Studentane har rett til rettleiing og vurdering gjennom heile studiet. Både faglærarar og medstudentar har ansvar for å medverke i den uformelle vurderinga av individuelt og kollektivt studentarbeid, samt vurdering av/ tilbakemelding om verksemd og evalueringsmetodar i studiet.

### **Eksamen**

Ved avsluttande vurdering får studenten to karakterar:

1. Ein karakter frå den skriftlege eksamensoppgåve (DR101)
2. Ein karakter frå den kunstnarlege sceniske framføringa (DR102)

## **PENSUM (Dette er eit forslag. Endeleg pensumliste kjem ved studiestart)**

Braanaas, Nils: *Dramapedagogisk historie og teori.*

Danielsen, Ruth: *Kulturbærende fortellinger*

Engelstad, Arne: *De undertryktes teater*

Lindvåg, Anita: *Elsa Olenius och Vår Teater*

Mykle, Bjørg: *Dukkenes Magi*

Paulsen, Brit: *Det Skjønne*  
Reistad, Helge (red): *Regikunst*  
Reistad, Helge (red): *Skuespillerkunst*  
Teaterhistorie  
Skodespel/verk

## **DRAMA 2**

Studiet er ei vidareføring av Drama 1. Modul DR103 er obligatorisk for å få avsluttande vurdering for Drama 2. Studentane må enten gjennomføre DR104 eller DR105.

Drama 2 legg vekt på å gi innsikt og dugleik i ulike former for iscenesetting. Både teater teori, historie og teaterproduksjon er viktige komponentar.

### **Moduloppbygging:**

#### **DT 103 - Drama/teater. Pedagogikk og utviklingsarbeid II - 15 studiepoeng**

Studentane skal arbeide med desse emna:

- Dramatiske uttrykksformer
- Kulturformidling
- Planleggje, gjennomføre og vurdere eit utviklingsarbeid som vert knytt opp til drama og/eller teaterverksemd.

### **Vurderingsform:**

Denne modulen vert avslutta med ein skriftleg individuell eksamen på 6 timar. Studenten skal reflektere over praktisk drama/teaterarbeid og teori.

Studentane som tek Drama 1 og 2 (eller berre Drama 2) må gjennomføre ein av dei to følgjande modulane: DR104 eller DR105

#### **DR104 - Praktisk teaterarbeid og teater teori II - 15 studiepoeng**

Studentane skal arbeide med desse emna:

- Grunntrening
- Skodespelarkunst
- Produksjon, med høve til fordjuping
- Dramaturgi, fordjuping av ulike modellar
- Teaterhistorie (fordjuping av nyare teaterhistorie)
- Arbeid med dramatiske tekster/skodespel
- Teateranalyse
- Estetikk

### **Vurderingsform:**

Mappevurdering. Studenten samlar dokumentasjon frå fleire arbeidsprosessar i modulen. Mappa skal ha eit obligatorisk innhald henta frå:

Eigen teaterproduksjon (over 3 veker)

Analyse og refleksjon kring eiga utvikling av rolleoppbygging

Teateranalyse

Studentane får rettleiing i produksjonsarbeidet. Det vert gjeve tilbakemelding på dei skriftlege arbeida i mappa i form av skriftleg/munnleg kommentarar undervegs og ein individuell bokstavkarakter. Nærare informasjon om mappevurdering vert gitt av faglærar.

ELLER

#### **DR105 - Kommunikasjon/retorikk og dramaturgi - 15 studiepoeng**



Modulen fokuserer på korleis ein kan betre kommunikasjonen i framføring og formidling. Retorikk og presentasjonsteknikk, innsikt i og bruk av ulike dramaturgiske modellar og arbeid med dramatiske verkemiddel står sentralt.

Studentane skal arbeide med desse emna:

- Kommunikasjon og framføringsteknikk
- Retorikk
- Stemmetrening
- Dramaturgi, fordjuping av ulike modellar
- Produksjon, med høve til fordjuping innafor teater, film/video, multimedia m.m.

### **Vurderingsform:**

Mappevurdering. Studenten samlar dokumentasjon frå fleire arbeidsprosessar i modulen. Mappa skal ha eit obligatorisk innhald henta frå:

Dramaturgisk analyse i form av ei skriftleg oppgåve  
 Rapport om eigen rolle i produksjonsprosessen

Kunstnarleg produksjon (over 3 veker) for medstudentar, faglærer og sensor. Etter presentasjonen vert det lagt opp til ei drøfting og refleksjon kring eige arbeid.

Studentane får rettleiing i produksjonsarbeidet. Det vert gjeve tilbakemelding på dei skriftlege arbeida i mappa i form av skriftleg/munnleg kommentarar undervegs og ein individuell bokstavkarakter. Nærare informasjon om mappevurdering vert gitt av faglærer.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Sjå under Drama 1 i fagplanen.

## **VURDERING**

Studentane har rett til rettleiing og vurdering gjennom heile studiet. Både faglærarar og medstudentar har ansvar for å medverke i den uformelle vurderinga av individuelt og kollektivt studentarbeid, samt vurdering av/ tilbakemelding om verksemd og evalueringsmetodar i studiet.

### **Eksamen**

Ved avsluttande vurdering får studenten to karakterar:

1. Ein karakter frå den skriftlege individuelle eksamen (DR103)
2. Ein karakter frå mappevurderinga (DR104/DR105)

## **PENSUM (dette er eit forslag. endeleg pensumliste kjem ved studiestart)**

Brandell, Gunnar: *Drama i tre avsnitt*  
 Bergstrøm, Gunnel: Utdrag fra *Skodespelaren och det skapande ögonblikket*  
 Haugsted, m.fl (red): Anslag Teater- og dramafagets didaktik og metode  
 Heathcote/Bolton: *Drama for learning*  
 Hornbrook, David: *Education in Drama: Casting the Dramatic Curriculum*  
 Johnstone, Keeth: *Improvisation og teatersport*  
 Meisingset, Sigrun *Estetisk iscenesettelse. Estetisk teori i drama/teater praksis*  
 Nygaard, Jon: *Teatretshistorie i Europa del III*  
 Reistad, Helge (red.): *Regikunst,*

*Skuespillerkunst*

Artiklar om teateranalyser  
*Stensilar*

## **DRAMA 3**

Studiet er ei vidareføring av Drama 1 og 2.

Skodespelarkunst er fordjupingsområde for studieåret 2002/03. Dei ulike delemna må sjåast i lys av dette fordjupingsområdet. Eit større praktisk-teoretisk utviklingsarbeid utgjer ein stor del av studiet.

### **Moduloppbygging:**

#### **DR106 - Praktisk teaterarbeid og teaterteori III - 15 studiepoeng**

Studentane skal arbeide med desse emna:

- Skodespelarkunst
- Regi/instruksjon
- Scenografi
- Dramaturgi
- Ulike teaterformer

### **Vurderingsform:**

Mappevurdering. Studenten samlar dokumentasjon frå fleire arbeidsprosessar i modulen. Mappa skal ha eit obligatorisk innhald henta frå:

Munnleg framlegging med notatar

Scenisk framføring

Skriftlege refleksjonar om eigen rolleutvikling

Studentane får tilbakemelding i form av skriftlege/munnlege kommentarar undervegs og ein individuell bokstavkarakter. Ved strykkarakter får studenten eit nytt forsøk. Nærare informasjon om mappevurdering vert gitt av faglærar.

#### **DR201 - Forsking og utviklingsarbeid (FOU) i drama/teater - 15 studiepoeng**

Grunnlag for opptak er Drama I og Drama II.

Studentane får høve til å fordjupe seg i eit praktisk/kunstnarleg utviklingsarbeid.

Studentane skal:

- Få undervisning i forskingsteori og -metodikk
- Få kjennskap til ulike forskingsprosjekt i kunstfag
- Få kjennskap til ulike strategiar i høve til ulike prosjekt i ein fagdidaktisk samanheng
- Planleggje, gjennomføre og framføre eit utviklingsarbeid som vert knytt opp til t.d kulturskole, teaterprosjekt i skole, barneteater, amatørteater, fri-gruppeteater. Studentane får rettleiing av faglærarar under arbeidet. Ved studiestart får studentane nærare informasjon om dette arbeidet og kor lang tid ein får til disposisjon.

### **Vurderingsform:**

Eksamen.

FOU- arbeidet skal munne ut i ei skriftleg oppgåve og munnleg og/eller kunstnarleg framføring (alt etter kva for prosjekt ein arbeider med).

Det blir lagt opp til samtale/drøftingar mellom student(ar), sensor og faglærarar. Både rapporten og det munnleg/kunstnarlege arbeidet vert vurdert med ein individuell karakter av faglærarar og sensor.

## **VURDERING**

Studentane har rett til rettleiing og vurdering gjennom heile studiet. Både faglærarar og medstudentar har ansvar for å medverke i den uformelle vurderinga av individuelt og kollektivt studentarbeid, samt vurdering av/ tilbakemelding om verksemd og evalueringmetodar i studiet.

### **Eksamen**

Ved avsluttande vurdering får studenten to karakterar:

1. Ein karakter frå mappevurdering (DR106)
2. Ein karakter frå avsluttande eksamen (DR201)

## **PENSUM (Dette er eit forslag. Endeleg pensumliste kjem ved studiestart)**

Brestoff, Richard: *Scenens læremestre*. Drama. Gråsten 1999

Braanaas, Nils: *Barn, ungdom og teater - fra antikken til det 19.århundre*. Tapir Akademisk Forlag 2001

Buresund/Gran: *Frie grupper og Black Box teater*. Gyldendal. 1996

Damkjær, Niels: *Skuepladsen - om sceneinstruktørens arbejde med teatret*. Drama. 1994

Krøgholt, Ida: *Stifindere i 90-ernes dramapædagogik*. Institutt for Dramaturgi.1997

Nygaard, Jon: *Teatervitenskapens historie og metode*. Del I. Oslo 1993

Nygaard, Jon: *Teatervitenskapens historie og metode*. Del II. Oslo 1993

Somers, John: *Drama and Theatre in education, contemporary research*. North York, Captus Press. 1996

Øyen, Torill: *Grunnutdanning for skuespillere*. Tell forlag. Tangen 2001

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [ESTETISKE FAG \(DRAMA, MUSIKK OG FORMING\), 30 STUDIEPOENG \(FLF102\)](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
    - [Modul I](#)
    - [Modul II](#)
    - [Modul III](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [EKSAMEN/VURDERING](#)
  - [PENSUM](#)

## ESTETISKE FAG (DRAMA, MUSIKK OG FORMING), 30 STUDIEPOENG (FLF102)

### INNLEIING

Fagplanen byggjer på rammeplanen for fordjupingseining i estetiske fag i førskulelærerutdanninga (10 vektal) frå 30.04.99.

Sentrale moment i plandokument for estetiske fag er kulturaktivitetar og kunstformidling for barn og unge, det estetiske miljøet i barnehage og skule, tverrfagleg samarbeid og tverrkulturell brubygging mellom ulike kulturar, institusjonar og sektorar, og mellom faga og kunstartane. Både kunstfagleg spesialisering og kunstfagleg integrering vil der vere rom for.

Den spontane og naturlege leiken er kjelde til erfaring gjennom eksperimentering, prøving og feiling, problemløysing og skaping - alt ut frå barnet sine naturlege føresetnader og behov. Leiken er fri og ubunden av materialmessige og tekniske skiljelinjer og klassifikasjonar, og den byggjer på skapande prosessar som er i slekt med intellektuelt styrte kunstnariske prosessar. Difor er det viktig at barn får møte tverrfaglege, integrerte kunstuttrykk, og at dei får høve til å arbeide med slike uttrykk. Denne fordjupingseininga i drama, musikk og forming vil difor vektlegge leik og kunstnarlege uttrykk og verkemiddel for å førebu studentane til kunstpedagogisk arbeid for og med barn etter gjeldene planverk for barnehage og grunnskule.

### MÅL

Fordjupingseininga har som mål å gje innsikt i og kunnskap om tverrfagleg bruk av estetiske fag som leik-, lærings- og utviklingsressurs for barn. Gjennom skapande arbeid og kunstnariske uttrykk på tvers av tradisjonelle faggrenser skal studentane kvalifisere seg for formidling, arbeid med og tilrettelegging av tverrfaglege integrerte kunstuttrykk for og med barn.

Studentane skal:

- utvikle fagdidaktisk kompetanse, forståing for og kunnskap om samanhengen mellom leik og kunstnariske prosessar

- utvikle fagleg kompetanse for planlegging, gjennomføring og vurdering av tverrfagleg pedagogisk arbeid for og med barn
- tileigne seg kunnskap, holdningar og ferdigheiter gjennom eige skapande arbeid
- utvikle evna til å formidle og engasjere gjennom arbeid med tverrfagleg bruk av estetiske fag
- utvikle evna til å legge til rette for tilpassa opplæring i dei estetiske faga.

## **INNHALD**

Studiet er samansett av fylgjande modular: Kunstfagleg eigenutvikling, Kunstfagleg produksjon for barn og Kunstfagleg arbeid med barn. Desse komponentane dekkast gjennom fagområda forming, musikk og drama.

### **Modul I**

#### ***Kunstfagleg eigenutvikling***

Kunstfagleg eigenutvikling er ein føresetnad for å forstå samspelet mellom form, innhald og verkemiddel. Dette vert grunnlag for alt arbeid i studiet, både individuelt og i grupper. Gjennom arbeid med eigne kunstfaglege uttrykk skal studentane få innsikt i og erfaring med faglege og tverrfaglege kunstuttrykk - eigenart, metodar og legitimitet.

Emne:

- Estetikk
- Kunstfagleg teori og historie (drama, musikk, forming)
- Kunstfaglege uttrykksformer og teknikkar

Studentane skal:

- *arbeide med og gjere greie for sentrale omgrep som komposisjon, dramaturgi og estetikk som grunnlag for varierte og kunstnariske uttrykk*
- arbeide med teori og historie knytt til forming, musikk og drama
- tileigne seg kunnskapar om og kunne reflektere over forholdet mellom form, verkemiddel og innhald i tverrfaglege kunstuttrykk, for eksempel musikkspel, dans, bruk av bilete-, maske-, figur-, skyggeteater, performance
- utvikle kunnskap om og erfaring med ulike teknikkar ved bruk av stemme og kropp, arbeide med materiale, reiskap og teknikkar, og få trening i bruk av tekniske og elektroniske mediar innan lyd, lys og bilete
- utvikle evna til å oppleve, vurdere og reflektere over estetiske uttrykksformer

### **Modul II**

#### ***Kunstfagleg produksjon for barn***

Gjennom arbeid med ulike uttrykksmåtar i faga skal studentane gjere seg kjende med ulike former for produksjonar som høver for barn. I dette studiet vert det lagt vekt på animasjon som ei form for kunstnarleg produksjon for barn.

Emne:

- Uttrykksformer for formingsfaget: Bilete, skulptur, bruksform, installasjon m.m. - Dramatiske uttrykksformer: Figurteater, skuggeteater, tablå, forteljarteater m.m

- Musikkfaglege uttrykksformer: Musisering, komposisjon, dans,
- Animasjon

Studentane skal:

- arbeide med varierte uttrykksformer i forming, musikk og drama, fagleg og tverrfagleg

- få innføring i arbeid med animasjon

### **Modul III**

#### ***Kunstfagleg arbeid med barn***

Dette målområdet skal gi studentane kunnskap om barn som mottakarar og utøvarar av kunstnarlege inntrykk og uttrykk. Det skal gi kunnskapar som kvalifiserer for tilrettelegging av kunstoplevingar. Studentane skal få erfaring med kunstfaglege arbeidsprosessar og prosjekt i barnehage, grunnskule, skulefritidsordningar og/eller kulturskular. Gjennom dette arbeidet skal studentane utvikle didaktisk kompetanse og teoretisk refleksjon.

Emne:

- Didaktikk: Teori og praksis
- Kulturformidling
- Praktisk skapande arbeid med barn

Studentane skal:

- lære om didaktiske straumdrag og ulike undervisningsformer
- tileigne seg kunnskap om barns estetiske utvikling, leik og kreativitet
- tileigne seg kunnskap om kunst- og kulturformidling for barn
- tileigne seg kunnskap om barnet som mottakar av kunstuttrykk. Analyse/vurdering av kunstprodukt for barn
- tileigne seg kjennskap til barnekulturen slik han kjem til uttrykk i rim, regler, leikar, songar etc.
- planlegge, gjennomføre og vurdere praktisk skapande arbeid med barn. Dette skal dokumenterast i form av mappe gjennom ulike framstillingsformer (video, tekst, teikningar, bilete m.m.)

### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Studiet er organisert i tre modular. Veksling mellom fagspesifikke og tverrfaglege arbeidsformer vert naturleg.

Studiet er eit praktisk - teoretisk kunstfag der den utøvande og skapande delen av faget utgjer hovuddelen. Den utforskande og eksperimenterande sida av faget har klare parallellar til barna sin leik, samt til kunstnarisk verksemd.

Utvikling av kunstfagleg kompetanse skjer fyrst og fremst gjennom direkte møte og erfaring med kunstfaglege uttrykksformer og prosesser. Ein nyttar praktiske og studentaktive undervisningsformer som er i samsvar med arbeidsformer i barnehage og grunnskule. Det vil veksle mellom ulike typar verkstadarbeid, førelesingar og gruppearbeid.

Det vert lagt opp til ein obligatorisk studietur med faglærarane. Eit av hovudmåla for turen er å oppleve og vurdere ulike kunstuttrykk, og sjå det tverrfaglege i uttrykksformene.

Studentane vert oppfordra til å ta i bruk IKT som hjelpemiddel og impuls ved planlegging, i arbeid med å lage materiell til undervising, og som hjelpemiddel i produksjonar.

Ut over gjennomgått stoff, føreset ein at studenten gjer seg kjend med pensumlitteraturen, og gjennom heile studiet tek ansvar for eiga læring. Studentane må også vere budde på å bruke tid ut over vanleg undervisingstid til å arbeide med enkelte prosjekt. All undervising er obligatorisk.

Av praktiske årsaker vert det kjøpt inn ein del felles materialar. For dette må studentane betale kr. 330,- kvar. Alle utgifter i samband med den obligatoriske studieturen må studentane betale i sin heilskap.

### **EKSAMEN/VURDERING**

#### ***Vilkår for å gå opp til eksamen:***

- Godkjent frammøte etter gjeldande reglar (gjeld for kvar modul). Frammøte skal være av ein slik karakter at

studenten viser interesse og aktiv deltaking i faget.

Studentane har rett til rettleiing og vurdering gjennom heile studiet. Både faglærarar og medstudentar har ansvar for å medverke i den uformelle vurderinga av individuelt og kollektivt studentarbeid, samt vurdering av/ tilbakemelding om verksemd og evalueringsmetodar i studiet. Studentane skal gjennom avsluttande eksamen få høve til å vise kunstfagleg utviklingsnivå, kunnskapar og ferdigheitar.

### **Eksamen**

Den endelege karakteren i Estetiske fag byggjer på 3 uavhengige komponentar. Ved samanslåing til endeleg karakter i eininga tel dei tre komponentane likt.

### **Modul I**

Eksamen i form av praktisk-estetisk presentasjon av uttrykksformer (som oftast arrangert i grupper) der studenten skal levere eit skriftleg arbeid med refleksjon kring eige estetisk uttrykk i høve til fagdidaktisk teori (7-10 sider). Den skriftlege delen av dette arbeidet vert vurdert.

### **Modul II**

Eksamen i form av praktisk-kunstnarisk tverrfagleg arbeid (som oftast arrangert i grupper). Uttrykket skal presenterast for ei barnegruppe, medstudentar, faglærarar og sensor. Etter presentasjonen vert det lagt opp til drøfting og refleksjon kring eige arbeid.

### **Modul III**

Eksamen i form av mappeevaluering. Ved start på modulen får studentane innføring i mappevurdering. Studentane skal planlegge og gjennomføre metodisk arbeid i ei barnegruppe.

Alle dei tre modulane må vere bestått før studenten får studiepoengutteljing. Det vert gitt bokstavkarakter etter skalaen A-F, der A - E blir nytta for stått og F for ikkje stått.

## **PENSUM**

Danbolt, Gunnar: Blikk for bilder. Norsk kulturråd  
 Koefoed Holger: Tidens øye. Stenersen Forlag  
 Bjørlykke, Reidun: Musikk på tvers. Tano Aschehoug 1999  
 Ramfjord, Leiv: Gi lyd. Lydarbeid med barn. Tano  
 Stenhower, Gulle: Musikk mellom liten og stor. Norsk musikkforlag  
 Hagnell, Viveka: Barnteater - myter och meningar. Klasesett til utlån  
 Haabesland og Vavik: Kunst og håndverk - hva og hvorfor. Fagbokforlaget 2000  
 Lindqvist, Gunilla: Lekens muligheter. Ad notam Gyldendal 1997  
 Paulsen, Brit: Det skjønne. Ad notam Gyldendal 1994  
 Pluss 200 sider sjølvvalt pensum og eventuelle fagartiklar  
 Med atterhald om endringar

Student Fag- Til  
 kontoret planar toppen



- [FRILUFTSLIV, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD \(Målområde\)](#)
    - [Samlingar](#)
    - [Gjennomgåande tema:](#)
  - [VURDERING](#)
    - [Forkrav](#)
    - [Eksamen](#)
  - [FØREBELS PENSUMLISTE](#)

## FRILUFTSLIV, 30 STUDIEPOENG

Friluftsliv er i dag eit viktig tema både i skuleverket og elles i samfunnet. I denne studieplanen har omgrepet friluftsliv eit innhald som samsvarar både med norsk friluftslivstradisjon, og med slik omgrepet blir brukt i offentlege planar og utgreiingar - som t.d. stortingsmelding om friluftsliv og læreplan for grunnskulen.

### MÅL

Studiet skal gje ei generell rettleiarutdanning i friluftsliv for arbeid med born og ungdom i barnehage, skulefritid, skule og fritid.

Ein tek sikte på å kunne gje ein mest mogleg heilskapleg friluftslivsbakgrunn med omsyn til tryggleik, dugleik, miljøforståing og friluftslivsrettleiing.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studiet er organisert som konsentrerte studiesamlingar i ulike naturmiljø, til ulike årstider. Berre korte delar av samlingane vil fysisk bli lagt til Høgskulen i Volda.

Under samlingane vil ein i hovudsak bu ute, t.d. i telt, snøhole, gapahuk m.m.

Ein må rekne med å sette av rimeleg tid mellom samlingane til lesing av pensum og arbeid med oppgåver.

#### *Arbeidsmåtar*

Så langt som mogleg vil "tur" og aktivt friluftsliv vere ramme for undervisninga. Kvar samling vil vere prega av turplanlegging, gjennomføring og etterarbeid. Under vegs vil ein gripe fatt i konkrete situasjonar, og nytte dette for aktualisering og drøfting av emne og problemstillingar.

Undervisning og arbeid i studiet vil difor i stor grad vere ei veksling mellom teori og praksis. Arbeidsforma vil - på same måte som studiet generelt - stille store krav til aktiv medverknad og medansvar frå studentane si side. Der det er mogleg vil opplevingar, situasjonar og faktiske problem vere utgangspunkt for drøfting i grupper og plenum, førelesingar og i anna studiearbeid. Hjelpemiddel vil vere erfaringar, ressursar i gruppa, skriftleg informasjon og aktuelle fagfolk.

Der det fell naturleg i studiet vil ein bruke IKT både som verkty og hjelpemiddel.

Både i friluftslivsrettleiing og i friluftslivet generelt er tur etter evne ei grunnleggande norm. Dette er ramma som gjev tryggleik og godt læringsmiljø både for den einskilde og for gruppa. Det er difor sentralt å øve opp evne til å kunne planlegge og handle innanfor eigne og gruppa sine føresetnader. Tilpassa opplæring er dermed eit etablert prinsipp innanfor friluftsliv.



I samsvar med retningsliner godkjende ved skulen, skal det gjennomførast studievurdering og fagkritisk verksemd.

### **Studiegrupper/basisgrupper**

Studiearbeid og eigen erfaringshausting skal til dels gå føre seg i etablere studiegrupper. Gruppene leverar grupperapportar slik det er gjort greie for i planen.

## **INNHALD (MÅLOMRÅDE)**

Studiet er lagt opp over fire intensive samlingar som kvar går over 5 - 9 dagar.

Studiesamlingane er lagt til ulike naturmiljø, med det meste av overnatting i telt, hytte, snøhole e.l.l.

Uteliv og aktivitetar utandørs er hovudinnhaldet i studiet. Det meste av teori er lagt ut i studiesamlingane og vil bli gjennomført i form av drøftingar og forelesingar.

Kvar samling har eit hovudtema ut frå naturmiljø og årstid. Fleire gjennomgåande tema vil vere med gjennom alle samlingane.

På nokre av samlingane er det lagt inn eigenaktivitet for studentane utan rettleiar. Eigenaktiviteten vil vere etter gjevne oppgåver, og blir vurdert/ kontrollert ved rapportar frå studentane.

Hovudtema for studiesamlingane er: Grunnleggande innføringskurs, kystfriluftsliv, vinterfriluftsliv, høgfjell/bre.

Gjennomgåande tema / tema som vil følge med over fleire samlingar: Naturkjennskap, Barn, ungdom og friluftsliv, Friluftsliv og samfunn, Førstehjelp og livberging, Friluftslivsrettleiing, Emnefordjuping og rapportskriving.

### **Arbeid mellom samlingane:**

- Etter kvar samling skal det leverast ein kort, oppsummerande grupperapport. ( 3 - 5 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5)

Mellom samlingane er studentane òg pålagde tre innleveringar som vil bli vurdert til gradert karakter:

- Eit faglege arbeid på 8 -10 maskinskrivne sider (linjeavstand 1,5) med oppgjeve tema/problemstilling.
- Eit fagleg arbeid på 8 - 10 maskinskrivne sider (linjeavstand 1,5) med eit sjølvvalt tema som har klar relevans til friluftsliv og til studiet.
- Eit arbeid knytt til rettleiing, med arbeidsmengd på ca 40 t, dokumentert med eit skriftleg arbeid på 8 -12 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5

## **Samlingar**

### **Grunnleggande innføringskurs**

Kurset markerer oppstarting av studiet, og vil mellom anna innehalde informasjon om studiet, studierettleiing etc.

Samlinga er lagt til skogslende og lågare fjellstrøk.

Hovuddel av samlinga gjeld grunnleggande dugleik i å bu og ferdast i naturen.

I løpet av samlinga vil ein innleie til ein del tema som vil vere sentrale gjennom heile studiet.

I samlinga er det lagt inn studentoppgåver utan rettleiar. Etter denne studentoppgåva skal det leverast eigen grupperapport.

### **Friluftsliv ved kysten**

Samlinga er lagt til kystmiljø. Viktige tema vil vere erfaring frå ulike båttypar, tryggleik på og ved sjøen, navigasjon, kystkultur, naturkjennskap og rettleiingsproblematikk.

Samlinga inneheld mindre studentoppgåver utan rettleiar.

### **Vintersamling**

Denne samlinga består av to delar som er knytt saman. Første del av samlinga er eit grundig og intensivt skredkurs over 4 dagar. Deretter ein tur i vinterfjellet, med overnattingar mellom anna i telt, snøhole, iglo, der ein legg vekt på orientering, vegval, bivuakk, utstyr og vinterfjellet som naturmiljø.

Studentoppgåver utan rettleiar er lagt inn i samlinga.

### **Høgfjell /bre**

Samlinga vil gje erfaring frå å bu og ferdast i høgfjell og breområder. Viktige tema vil vere kjennskap til breen og dei brenære fjellområda, samt kjennskap til dei krav slike områder stiller for opphald og ferdsle.

## Gjennomgåande tema:

### **Friluftsliv og samfunn**

Under emnet "friluftsliv og samfunn" vil ein trekkje opp hovudliner og ta opp sentrale tema som i mindre grad blir omhandla under rettleiarlære og innan dei meir praktiske emna.

Mellom anna vil ein arbeide med: Mennesket sin plass i naturen i eit historisk, filosofisk og etologisk perspektiv, friluftsliv som omgrep, friluftslivshistorie og tradisjon, lover og regelverk.

### **Naturkjennskap**

Emnet naturkjennskap er knytt til ulike miljøkategoriar og naturformer som ein møter gjennom studiet, og vil i stor grad ha praktisk karakter.

Siktemålet er både å formidle "brukskunnskap" for opphald og ferdsel i naturen, og skape eit grunnlag for rettleiing i ulike naturmiljø.

### **Førstehjelp og livberging**

Ut frå teoristoff og praktisk øving skal studentane tileigne seg dugleik for å vere i stand til å handle rimeleg rasjonelt ved uhell. Under samlingane vil ein ta opp førstehjelp og kameratredning som har tilknytning til dei aktivitetane ein arbeider med.

### **Barn, ungdom og friluftsliv**

Under dette temaet vil ein gå inn på barn og ungdom sin bruk av natur for leik, aktivitet og friluftsliv. Sentrale spørsmål vil vere nærleik til natur, tilhøyring, rørsleglede og utvikling av sansemotorikk

### **Rettleiing i friluftsliv**

Målet for denne delen av studiet er å skape innsikt i sentrale pedagogiske tilhøve knytt til rettleiing i friluftsliv. Spesielle spørsmål og problemstillingar direkte knytt til ulike former for friluftsliv blir teke opp under dei praktiske kursa, så langt dette fell naturleg.

Under den generelle delen av emnet vil ein ta opp fagstoff av ålmenn karakter innafor rettleiarlære i friluftsliv. Fagstoff som går på formidling av friluftsliv til ulike aldersgrupper, og bruk av friluftsliv som ei tenleg arbeidsform, vil ha ein sentral plass. Det same gjeld dei lokale læreplanane si rolle, med omsyn til kva plass natur, miljølære og friluftsliv vil kunne ha i kroppsøving og andre fag.

I løpet av studiet er det to opplegg der rettleiing i friluftsliv står sentralt..

1. I løpet av studiesamlingane skal kvar student gjennomføre eit praktisk-metodisk opplegg av mindre omfang (1 - 2 t) for medstudentar innan eit oppgjeve emne.

Plan for opplegget skal leverast seinast dagen før.

2. Kvar student skal i løpet av studiet gjere eit større arbeid med tema rettleiing i friluftsliv.

Arbeidsmengd tilvarande om lag 40 timar.

Arbeidet kan vere eit litteraturstudium, ei skriftleg utgreiing, eit større planarbeid, eit rettleiingsoppdrag el.l.

Det skal på førehand leverast ein skriftleg plan for arbeidet (2 -3 sider), og arbeidet skal i etterkant dokumenterast med ein rapport på 8 - 12 sider. Arbeidet går inn som ein del av mappeeksamen (sjå eksamen)

## VURDERING

### **Forkrav**

Før ein har høve til å framstille seg for munnleg eksamen skal komponentane A og B i mappeeksamen (sjå pkt 2 under eksamen) vere leverte og godkjende av faglærar.

### **Eksamen**

Endeleg vurdering i Friluftsliv 30 studiepoeng utgjer 3 komponentar der det vert gitt karakter på dei einskilde komponentane. Alle komponentane må vere bestått for å få studiepoengutteljing i faget.

### **1. Deltaking**

Aktiv deltaking på dei 4 studiesamlingane vert vurdert til stått/ikkje stått. Alle dei 4 samlingane må kvar for seg vere bestått og utgjer til saman ei arbeidsmengde på 10 studiepoeng i studiet.

## 2. Mappeeksamen:

### A.

Eit skriftleg arbeid med oppgjeve tema/problemstilling skal leverast til avtalt tid i haustsemesteret. Arbeidet skal vere på 5 - 10 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5.

### B.

Eit skriftleg arbeid med sjølvvalt tema skal leverast til avtalt til i vårsemesteret. Tema skal vere godkjent av faglærer. Arbeidet skal vere på 5 - 10 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5.

### C.

Ein rapport etter eit større arbeid med tema rettleiing i friluftsliv. Rapporten skal dokumentere eit arbeid tilsvarande om lag 40 timar. Arbeidet kan vere eit litteratur-studium, ei skriftleg utgreiing om rettleiing i friluftsliv, eit større planarbeid, eit rettleiingsoppdrag el.l.

Det skal på førehand leverast ein skriftleg plan for arbeidet (2-3 sider). Planen skal godkjennast av faglærer. Arbeidet skal i etterkant dokumenterast med ein rapport på 8 - 12 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5.

Dei tre komponentane har til saman ei arbeidsmengd som tilsvarar 10 studiepoeng.

## 3. Munnleg eksamen

Mot slutten av studiet vil det bli avhalde ein individuell munnleg eksamen. Eksamen vil ta utgangspunkt i innlevert skriftleg arbeid med sjølvvald tema, men vi òg innehalde spørsmål og problemstillingar frå andre delar av studiet /pensum.

Munnleg eksamen representerer 10 studiepoeng i studiet og vil bli vurdert til gradert karakter med intern og ekstern sensor.

Karakterskalaen går frå A til F, der A er beste karakter og E er lågaste ståkarakter.

## FØREBELS PENSUMLISTE

### *Endeleg pensumliste ligg føre ved studiestart*

#### *Tankar kring friluftslivet*

FRIFO Den norske turkulturen \*\*

Friluftslivets fellesorganisasjon, 1993

Repp, G. Natur og friluftsliv i grunnskulen \*

Rapport nr. 9308, Møreforskning, Volda 1993  
(Utdrag)

Repp, G. Friluftsliv. Ei artikkelsamling for friluftsliv- \*  
(red.) livsstudia, Volda lærarhøgskule 1992

Statens Støy og stillhet i friluftsliv  
forurensings SFT-rapport nr. 92:93  
tilsyn (Utdrag) \*

Swang, Ole Lov og rett i utmark

Landbruksforlaget 1992  
(Utdrag) \*

Lov om friluftslivet

Lov om naturvern

Miljøvern- St.meld. nr. 39 (2000-2001): Friluftsliv  
departementet Miljøverndepartementet 2001

***Barn og natur***

Loftesnes, J.M. På naturleikeklassen

Sebu forlag 1998

***Naturkjennskap***

Gjærevoll, O. & Fjellflora

Jørgensen, R. Bruns forlag 1994

Den norske Fjellet i fare

Turistforening Fjell og vidde - årbok 1991

***Friluftsliv - Dugleik , tryggleik***

Bisschoff/Mytting Friluftsliv. Gyldendal 1999

Brekomiteen Breboka. Håndbok i brevandring

Bregruppa/DNT, Oslo 1999

Norges Røde Snø, snøskred og redningstjeneste \*\*

Kors Hjelpe- Oslo 1993

Korps

Norsk første- Førstehjelp. 3. utg. 3. oppl.

hjelpsråd Universitetsforlaget, Oslo 1994

Engheim, H. Stø kurs ! Lærebok i båtkunnskap

NKI Forlaget 2000

Tordson, B. Mera Ute. Friluftsliv \*

m/flere Rabèn & Sjøgren 1984

(kopierte utdrag frå boka)

Wermelin, T. Ute. Friluftsliv \*

m/flere Rabèn & Sjøgren 1982

(kopierte utdrag frå boka)

\* = Må hentast/kjøpast frå HVO - trykkeriet

\*\* = Må bestillast frå vedk. organisasjon

Artiklar og mindre kompendia som blir delt ut i undervisninga.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- **[FRILUFTSLIV PÅBYGGINGSEINING \(MELLOMFAGSTILLEGG\), 60 STUDIEPOENG](#)**
  - [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
  - [MÅL](#)
  - [ARBEIDSMÅTAR OG ORGANISERING](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. Natur- og friluftslivslære](#)
    - [2. Friluftslivspedagogikk](#)
    - [3. Friluftslivsforvaltning](#)
    - [4. Naturfilosofi](#)
    - [5. Vitskapsteori og metodelære](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
    - [FØREKRAV](#)
    - [VURDERING / EKSAMEN](#)
  - [FØREBELS LITTERATURLISTE](#)

## FRILUFTSLIV PÅBYGGINGSEINING (MELLOMFAGSTILLEGG), 60 STUDIEPOENG

I løpet av nokre 10-år har friluftsliv fått ein markert større plass i offentleg samanheng, mellom anna i skuleverket.. Dette har mellom anna synt seg gjennom eit meir positivt syn på bruk av friluftsliv i undervisinga i grunnskulen. I Læreplan for den 10.årig grunnskole (L97) vert det lagt opp til omfattande bruk av tid til friluftsliv gjennom heile skuletida.

Også på andre felt i samfunnet har friluftslivet fått ein sterkare og meir formell posisjon, noko som gjev behov både for kompetanse og auka forståing for friluftslivet sin eigenart.

I planen for dette studiet er omgrepet friluftsliv nytta slik ein kjenner det frå norsk friluftslivstradisjon og frå offentlege utgreiingar og planer (t.d. læreplan for grunnskulen og stortingsmelding om friluftsliv.)

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Studiet byggjer på 60 studiepoeng i kroppsøving/idrett, og kan sjåast som eit sjølvstendig, avsluttande studium. Studiet kan også sjåast som ein del av ei lengre utdanning i kroppsøving/idrett/friluftsliv for dei som siktar mot ei faglærarutdanning eller eit hovudfag.

### MÅL

Påbyggingsstudiet i friluftsliv skal gi studentane

- opplæring i og tilvenning til friluftsliv
- eit godt grunnlag for å rettleie og undervise i friluftsliv
- ei god plattform for vidare studium i friluftsliv.

For å nå hovudmålsettinga skal studiet gi studentane:

- allsidig kjennskap til ulike former for natur under vekslende tilhøve, bygd på opplevingar og erfaringar i naturen
- grunnleggande kunnskapar om samspelet i naturen, og forståing for mennesket sin plass i naturen sett

frå ein økologisk og naturfilosofisk synsstad

- grunnleggande kunnskapar, ferdigheiter og haldningar for å kunne ferdast trygt i naturen med enkle hjelpemiddel
- dei kunnskapar, ferdigheiter og haldningar som er nødvendige for å kunne vurdere eigne og andre sine føresetnader i høve til ulike naturkrav
- bakgrunn for og erfaring i rettleiing/undervisning i og om naturen
- kjennskap til dei rammevilkår og krav som er aktuelle i høve til friluftsliv i barnehage, skuleverk og fritid
- grunnleggande kunnskap om vitskapsteori og metodelære

## ARBEIDSMÅTAR OG ORGANISERING

Studentaktive arbeidsmåtar har ein lang og sterk tradisjon i friluftslivsrettleiing. På tur og under opphald i naturen er deltaking, medverknad og medansvar viktige stikkord. Det er på denne måten ei gruppe kan fungere i ulike naturmiljø og under ulike tilhøve. Og det er på denne måten ein lærer - ved å vere aktivt deltakande, gjere nødvendig arbeid, og finne gode løysingar for den gruppa ein er med i. Denne arbeidsmåten er grunnleggande i heile studiet, og stiller krav til studentane.

Utgangspunktet for læring er først og fremst dei fenomen og tilhøve ein møter under vegs, og den situasjonen ein sjølv og gruppa står i.

Drøftingar, pensum og førelesingar set erfaringar og opplevingar inn i ein større samanheng, og utvidar grunnlaget for fagleg refleksjon.

Både i friluftslivsrettleiing og i friluftslivet generelt er *tur etter evne* ei grunnleggande norm. Dette er ramma som gjev tryggleik og godt læringsmiljø både for den einskilde og for gruppa. Det er difor sentralt å oppøve evne til å kunne planlegge og handle innanfor eigne og gruppa sine føresetnader. *Tilpassa opplæring* er dermed eit etablert prinsipp innanfor friluftsliv.

I stor grad vil ein nytte arbeidsmåtar frå det aktive friluftslivet også i dei teoretiske delane i studiet. Der det er mogleg vil opplevingar, situasjonar og faktiske problem vere utgangspunkt for drøfting i grupper og plenum, førelesingar og i anna studiearbeid. Hjelpemiddel vil vere erfaringar, ressursar i gruppa, skriftleg informasjon og aktuelle fagfolk.

Der det fell naturleg i studiet vil ein bruke IKT både som verktøy og hjelpemiddel.

I samsvar med høgskulen sine retningslinjer skal det gjennomførast studieevaluering og fagkritisk verksemd.

Studiet er organisert som eit ordinært årsstudium ved høgskulen. Men organiseringa av studiet tek omsyn til dei arbeidsmåtane som ein ynskjer, og som er etablert innanfor friluftslivs-rettleiing. Dette inneber ei veksling mellom periodar med aktivt friluftsliv, oppleving og erfaringshausting og periodar med refleksjon, drøfting, rettleiarpraksis og anna studiearbeid.

Turane eller studiesamlingane i ulike naturmiljø utgjer dermed ein viktig del av undervisninga i studiet, der ein vil veksle mellom drøftingar, forelesingar og praktisk aktivitet. Under desse utandørsopphalda vil ein overnatte i telt, hytte, snøhole o.l.

Studiesamlingane gjeld følgjande tema: *Oppstartsamling, kystfriluftsliv/segltur, snø og skred, vinterfriluftsliv, vårskitur, høgfjell/bre*. I tillegg kjem to turperiodar for studentane.

Semesterplan/årsplan gjev nærare informasjon.

Det vil ligge ein del utgifter for studentane til personleg utstyr og til nokre reiser i samband med studieopphald.

## INNHALD

Studiet er bygd opp av 5 hovudemne:

1. Natur- og friluftslivslære
2. Friluftslivspedagogikk
3. Friluftslivsforvaltning
4. Naturfilosofi
5. Vitskapsteori og metodelære

Ein stor del av Natur- og friluftslivslære er lagt til studiesamlingar der fleire delemne vil inngå.

### 1. Natur- og friluftslivslære

#### *Mål for emnet*

- Studentane skal kunne gjere greie for kva som karakteriserer friluftsliv, og ha kjennskap til kva kvalitetar og

verdiar som er sentrale i norsk friluftslivstradisjon

- Studentane skal utvikle kjennskap til ulike typer av natur. Vidare skal dei verte orienterte om kulturar som har tilknytning til ulike naturtypar gjennom tradisjon i norsk friluftsliv
- Studentane skal utvikle nødvendige kunnskapar og ferdigheiter i ulike greiner av friluftsliv
- Studentane skal utvikle god kjennskap til kva som er eigna utstyr til bruk i friluftsliv.

### **Innhald**

Emnet natur- og friluftslivslære skal aktualisere fagstoff med komponentar av kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i integrerande arbeidsformer.

Ferdsl og opphald i ulike naturtypar. - Utstyr og reiskap til friluftsliv. - Naturlære med økologi.

Ferdsl og opphald i ulike naturtypar (praktisk-teoretiske opplegg):

Målet med turane er å gi studentane kjennskap til friluftsliv og aktualisere dei tema som studentane må meistre for å drive rettleiing/ undervisning i dei aktuelle typer av natur.

Undervisninga på turane kan ikkje åleine gi alle den nødvendige erfaringa i friluftsliv. Kvar enkelt har ansvar for å skaffe seg utfyllande kunnskap og eigenferdigheit gjennom praktisering, litteraturstudium og fleire turar i dei aktuelle naturtypane. Etter kvart utandørs-opphald skal det leverast ei gruppeoppssummering på 4 - 6 maskinskrivne sider.

Utstyr og reiskap til friluftsliv:

Dette emnet inneheld utstyrslære og handverk i tilknytning til aktuelle greiner av friluftsliv. Studentane skal gjennom arbeid med emnet, og ved å lage og halde ved like utstyr, verte kjende med kva som er føremålstenleg utstyr, og lære seg å gi råd til andre. Ein vil ta for seg

*utstyrslære sett frå eit funksjonsperspektiv, utstyrslære sett frå eit samfunnsperspektiv, og utstyrslære sett frå eit rettleiarperspektiv*

Naturlære med økologi:

Studentane skal gjennom studiet tileigne seg kunnskapar om dei naturtypar dei praktisk-teoretiske emna vert gjennomførde i:

Landskap, ver og klima i ulike naturtypar. - Plantar og dyr som er typiske i dei ulike naturtypane. - Tradisjonell naturbruk og folkekultur i dei ulike naturtypar. - Truslar mot aktuelle naturtypar. - Naturforvaltning.

Innhald: Samfunnsøkologi. - Økosystem. - Norske økosystem og vegetasjonsregionar.

Etter fullført studium skal studentane kunne gjere greie for hovudprosessane i naturlege og menneskedominerte system på samfunnsnivå og økosystemnivå. Studentane skal få innsyn i bruk av teoretiske omgrep, og tileigne seg kunnskap om hovudtrekka i dei viktigaste norske typene av økosystem.

### **Fordjupingstema**

Kvar student skal i løpet av studieåret gjennomføre eit fordjupingsarbeid med eit fagleg tema. Tema skal på førehand godkjennast av faglærer. Den einskilde skal legge sitt tema fram for resten av studentgruppa for drøfting og samtale. Presentasjon og leiing av diskusjon skal vare minst 30 minutt. Framlegging av fordjupingstema vil til dels skje i samband med turar.

Arbeidet skal dokumenterast med ein fagleg artikkel på 8 - 10 sider med linjeavstand 1,5.

Artikkel og presentasjon vil inngå i mappeeksamen ilag med fordjupningsarbeidet i Naturfilosofi sjå vurdering/eksamen.

### **Turperiodar**

Det er lagt inn ein turperiode på hausten, og ein på våren. Turane skal gjennomførast i grupper på 3 - 6 studentar. Som dokumentasjon og erfaringsoppssummering skal det på førehand leverast ein turplan, og i etterkant ein turrapport på 5 - 10 maskinskrivne sider. Turplan og turrapportar blir òg gjennomgått i plenum

## **2. Friluftslivspedagogikk**

Emnet hentar innhaldet sitt frå ulike kunnskapskjelder. Frå studentane sine tidlegare erfaringar med friluftsliv, frå utvikla pedagogisk fagkunnskap, frå rettleiarar/lærarar sin praktiske yrkeskunnskap, frå erfaringar som studentane gjer i studiet, og frå refleksjon omkring alle desse elementa. Teori og praksis, refleksjon og handling spelar saman i alle delar av dette faget.

### **Mål for emnet:**

- Studentane skal få innblikk i problemstillingar som er knytt til pedagogisk arbeid med friluftsliv.
- Studentane skal tileigne seg teoretiske verktøy som gjer det mogleg å analysere og reflektere over sitt eige og andre sitt pedagogiske virke i friluftsliv.
- Studentane skal tileigne seg ei reflektert haldning til vegleiings-/undervisningsprosessen i friluftsliv.

- Studentane skal få erfaring med å arbeide som vegleiar/lærer i friluftsliv.
- Emnet skal stimulere til pedagogisk utviklingsarbeid innan området friluftsliv.

### **Innhald**

Friluftsliv i rammeplanar på ulike nivå i skuleverket. - Kunnskapsomgrep og læringsteoriar med relevans for friluftsliv. - Gruppesykologi og leiarsykologi. - Personlegdomsutvikling og modning gjennom friluftsliv. - Rettleiing i friluftsliv som arbeidsform. - Praksis.

Studiet vil ta opp friluftslivspedagogikk i ulike arbeidsformer; førelesingar, diskusjon og refleksjon i samband med turane, praktisk-pedagogisk arbeid og praksis.

Ulike sider ved friluftslivsrettleiing vil òg vere viktige tema på turar og studiesamlingar.

Praktisk-pedagogiske arbeid: Studentane skal i grupper på 4 - 5 utvikle, gjennomføre og evaluere eit opplegg som er sentrert omkring eit tema innan friluftsliv. Målet med arbeidet er å gi studentane

- erfaring i å ta hand om eit heilt "arrangement" frå byrjing til slutt
- ei djupare erfaring i å arbeide som rettleiar/lærer i friluftsliv
- ein sjanse til å skaffe seg større kjennskap til ei grein av friluftsliv
- erfaring i pedagogisk utviklingsarbeid innan friluftsliv.

Det praktiske opplegget vert avvikla i vårsemesteret., og skal vare i minst 4 dagar. Det vert lagt vekt på at opplegget skal vere involverande, levandegjerande, fagleg haldbart og pedagogisk gjennomarbeida i forhold til den aktuelle målgruppa. Val av opplegg skal godkjennast av faglærer.

Før jul må kvar gruppe levere ein grovplan for arbeidet. Arbeidet skal dokumenterast med ein grupperapport. Plan og rapport skal til saman utgjere ca 10-15 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5. I slutten av vårsemesteret vert det halde felles prosjektpresentasjon med drøfting av opplegg og erfaringar.

Praksis: Studentane skal gjennomføre til saman åtte dagar øvingspraksis i friluftsliv knytt til arbeid i barnehage, skule, institusjon eller organisasjon.

Øvingspraksisen skal gi studentane: Øving i å fungere som rettleiar/lærer i friluftsliv.- Kjennskap til korleis friluftsliv vert formidla i den aktuelle institusjon.

Studentane må velje to typar praksis innan dei områda som er nemnde ovanfor. Etter gjennomført praksis skal det leverast praksisrapport på 5 - 10 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5.

## **3. Friluftslivsforvaltning**

### **Mål for emnet:**

- Studentane skal tileigne seg god kjennskap til ulike aktørar i friluftslivspolitikken og -forvaltninga
- Studentane skal få oversikt over problemstillingar, mål, prosessar og praktiske løysingar som er aktuelle ved planlegging og forvaltning av friluftsliv
- Studentane skal tileigne seg kunnskap som gjer dei i stand til å påverke vedtak som har innverknad på friluftsliv.

### **Innhald:**

Friluftslivet sine verdiar, motiv og målsettingar i det norske samfunnet. - Forsking om friluftsliv - ei oversikt. - Friluftslivspolitikk, lovverk, offentlege dokument og retningslinjer. - Offentleg forvaltning av friluftsliv på ulike nivå: Planlegging, sakshandsaming og avgjerdsprosess. - Sentrale problemområde innan forvaltning av friluftsliv. - Friluftsliv i forhold til andre interesser. Konflikter og samarbeid. - Tilrettelegging, kanalisering og vegleing som verkemiddel innan forvaltning. - Sentrale frivillige organisasjonar innan friluftsliv. - Friluftslivsforvaltning i Norden/andre land.

## **4. Naturfilosofi**

### **Mål for emnet:**

- Dette emnet skal utdjupe og supplere tema i friluftslivspedagogikk, og sette naturoppleving og kulturforståing inn i eit filosofisk og idehistorisk perspektiv.
- Kjennskap til omgrepet natur, sett i eit historisk perspektiv, skal gi studentane forståing for kva natursyn som ligg til grunn for vår kultur.
- Studentane skal få forståing for korleis haldninga til natur kan påverke kultur og miljø.
- Studentane skal gjennom kjennskap til omgrep om natur og menneske kunne plassere ulike vitenskaplege fag, teknologi og økonomiske system i ein overgripande samanheng.

### **Innhald:**

Utviklinga av natursynet i vårt samfunn. Kultur- og idehistoriske røter og filosofisk grunnlag. - Vitenskap, teknologi



og økonomi som konsekvensar av det rådande synet på natur. - Alternat-ive oppfatningar av natur i antropologisk kultursamanliknande perspektiv. - Heilskapsfor-ståing av forholdet menneske - natur. Haldningar og praksis som gjev berekraftig naturforvaltning.

### **Fordjupingstema**

Kvar student skal gjennomføre eit fordjupingsarbeid med klar relevans til *naturfilosofi / friluftslivsfilosofi*. Det skal vise tydeleg formulering og klargjering av problem/tema og bakgrunn for valet av tema. Kvifor er det interessant? Vidare stiller ein krav til metodisk innsikt og arbeidsmåte. Temaet skal godkjennast på førehand av faglærer og dokumenterast med ein fagleg artikkel/rapport på 10-15 maskinskrivne sider med lineavstand 1,5. Artikkel/rapport vil inngå i mappeeksamen ilag med fordjupningsarbeidet i sjå vurdering/eksamen. .

## **5. Vitskapsteori og metodelære**

### **Mål for emnet:**

- Studentane skal tileigne seg grunnleggjande kunnskap om vitskapsteori og metodelære
- Studentane skal tileigne seg grunnleggjande innsikt i kva krav som vert sette til form og innhald i vitskaplege rapportar
- Faget skal gje studentane eit grunnlag for arbeid med fordjupingsemne og praktisk-pedagogisk oppgåve.

### **Innhald:**

Kva er vitskap?. - Problemformulering/forskningsprosessen.. - Kvantitative metodar i samfunnsforskning. - Spørjeskjema. - Kvalitative metodar i samfunnsforskning. - Kvalitative intervju. - Analyse og tolking av data. - Historiske metodar: Kjelder - kjeldekritikk. -Rapportskrivning.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### **FØREKRAV**

**Frammøte:** Det er obligatorisk frammøte til praktisk arbeid, til planlegging og oppsummeringar og til kvar einskild tur/kurs i studiet. Semester-planen gir nærare informasjon. Ved fråvere gjeld Høgskulen sitt frammøtereglement. For at arbeidsforma i dette studiet skal fungere, er det ein føresetnad at studentane ikkje berre er til stades, men også deltar aktivt. Ved einskilde turar og opplegg utandørs vil ein av tryggleiksgrunner krevje deltaking på heile opplegget.

**Praktisk-pedagogisk arbeid:** Studentane skal i grupper utvikle, gjennomføre og evaluere eit rettleiararbeid slik dette er gjort greie for i planen. Arbeidet skal dokumenterast med ein grupperapport. Plan og rapport skal til saman utgjere 10 - 15 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5. Plan og rapport skal vere levert til rett tid og vurdert til godkjent.

**Praksis/praksisrapport:** Kvar student skal gjennomføre eit praksisopplegg slik dette er gjort greie for i planen. Arbeidet skal dokumenterast med ein rapport på 5-10 maskinskrivne sider med linjeavstand 1,5. Rapporten skal vere levert til rett tid og vurdert til godkjent.

### **KRAV FOR Å FÅ STUDIET GODKJENT OG FÅ KARAKTERUTSKRIFT**

Ein stor del av dette studiet er avhengig av årstider og vertilhøve. Det kan av den grunn bli lagt turar/studiesamlingar til eit tidspunkt etter eksamen. Semesterplan/årsplan gjev nærare informasjon om dette. Frammøte og deltaking på slike samlingar er eit krav for å få studiet godkjent og utskrive karakterutskrift. For den einskilde tur/ studiesamling gjeld høgskulen sitt frammøtereglement. Ved einskilde turar og opplegg vil det av tryggleiksgrunnar vere krav om deltaking på heile opplegget.

## **VURDERING / EKSAMEN**

Endeleg vurdering i Friluftsliv mellomfagstillegg 60 studiepoeng utgjer desse 4 komponentane:

### **2 skriftlege innleveringar**

- Eit individuelt skriftleg arbeid som avslutting av sentrale tema innan kystfriluftsliv skal leverast i november. Arbeidet skal vere avgrensa til 15 maskinskrivne sider pluss vedlegg (kart, teikningar m.m.)

Det vil bli gitt ei rammeoppgåve.

Det skriftlege arbeidet tilsvarar ei arbeidsmengd på 9 studiepoeng.

- Eit individuelt skriftleg arbeid som avslutting av sentrale tema innan vinterfriluftsliv skal leverast i mai. Arbeidet skal vere avgrensa til 15 maskinskrivne sider pluss vedlegg.

Det vil bli gitt ei rammeoppgåve.

Det skriftlege arbeidet tilsvarar ei arbeidsmengd på 9 studiepoeng.

### **Fordjupingsarbeid (mappeeksamen)**

- Kvar student skal gjennomføre eit godkjent fordjupingstema knytt til *natur- og friluftslivslære* slik dette er gjort greie for i planen. Arbeidet skal dokumenterast med ein fagleg artikkel på 8 - 10 maskinskrivne sider. Tema/arbeid skal leggast fram for klassa for drøfting og samtale.
- Kvar student skal gjennomføre eit godkjend fordjupingstema knytt til *naturfilosofi*.

Arbeidet skal dokumenterast med ein artikkel på 10 - 15 maskinskrivne sider.

Dei to fordjupingsarbeida vert vurdert samla, og tilsvarar ei arbeidsmengd på tilsamen 18 studiepoeng

### **Skriftleg eksamen**

- Mot slutten av studieåret vil det bli halde ein 8 timars individuell skriftleg eksamen.

Eksamen skal innehalde spørsmål frå friluftslivspedagogikk, vitskapsteori og naturforvaltning. Skriftleg eksamen tilsvarar ei arbeidsmengd på 24 studiepoeng.

Det vert gitt karakter på dei einskilde komponentane og alle desse skal stå på vitnemålet/karakterutskrifta. Normalt må heile eininga takast samla, men i det vert opna for at studentar også fylgje berre dei einskilde skriftlege innleveringane Kystfriluftsliv og Vinterfriluftsliv.

Karakterskalaen går frå A til F, der A er beste karakter og E er lågaste ståkarakter.

## **FØREBELS LITTERATURLISTE**

**Endeleg pensumliste vil ligge føre ved studiestart.**

### **Natur- og friluftslivslære**

Bischoff /Mytting: Friluftsliv. Gyldendal 1999

Einang, O. (red.): Artikkelsamling: Orientering på tur. HVO 2000

DNT-Fjellsport Breboka. Den Norske Turistforening, Oslo 1999

Norges Røde Kors

Hjelpkorps: Snø, snøskred og redningstjeneste. Oslo 1992

Einang, O. (red.) Artikkelsamling om snø og snøskred. HVO 2000

Engheim, H Stø kurs ! - Lærebok i båtkunnskap. NKI Forlaget, 2000

Einang, O. (red.) Artikkelsamling: Kystfriluftsliv. HVO 2000

Melbye, M : Friluftsliv i vinterfjellet

### **Friluftslivspedagogikk**

Miljøverndep. St.meld. nr 39 (2000-2001) Friluftsliv

Imsen, Gunn Lærerens verden, kap. 3,4,9,10,11,13 og 15

Tano Aschehoug. Oslo 1999

Haugen, R. Og

Hozman, Z. Veiledning i kroppsøving og idrett

Com.pendius, Skarnes 2000

Høgskulen i Volda Artikkelsamling i Friluftslivspedagogikk, HVO 2001

Bischoff, A.: Friluftsliv - ungdom og personlig utvikling. Hovedfagsoppgave, Høgskolen i Telemark 1996 (Utdrag)

Aktuelle artiklar som blir levert ut i løpet av året.

### **Friluftslivsforvaltning**

Lov om Friluftslivet. Lovdata

Lov om naturvern. Lovdata

Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester. Lovdata

Swang, O.: Lov og rett i utmark. Landbruksforlaget 1992. (Kopiert utdrag)

Berg, Kongtorp,

Schrøder : Naturforvaltningsboka 1. Landbruksforlaget (Kopiert utdrag)

Miljøverndep.: St. meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv

Direktoratet for

Naturforvaltning: Forslag til revidert handlingsplan for friluftsliv mot år 2000. DN-rapport 1996-5  
Direktoratet for

Naturforvaltning: Forvaltning av nasjonalparker. DN-rapport 1996-3

### **Naturfilosofi**

Ariansen, P.: Miljøfilosofi. Universitetsforlaget, Oslo 1992

Vinje, A.: Menneske. Natur. Kultur. Landbruksforlaget 1995

Repp, G. (red) Det ettertenksame friluftslivet. Artikkelsamling 2001

Miljøverndep.: St.meld. nr 39 (2000-2001) Friluftsliv

### **Vitskapsteori og metodelære**

Befring, E.: Forskingsmetode og statistikk. Samlaget, Oslo 1992

Blom, K. og Helle, K.: Historie - hva, hvordan, hvorfor? Fagbokforlaget, Bergen 1997

Repp, G. (red.) Det ettertenksame friluftslivet. Artikkelsamling 2001

### **Naturlære med økologi**

Bjerketvedt & Pedersen: Grunnleggende biologi og miljølære. Landbruksforlaget

Kompendium og artiklar som blir leverte ut gjennom året.

#### **Kvar student må ha tilgang til følgende handbøker:**

Wischmann, F.: Norsk fargeflora. NKS-Forlaget

Olsen, L.H.: Insekter og småkryp i skogen. Aschehougs naturbøker

eller:

Sandhall, Å.: Småkryp. Cappelens naturbøker

Haftorn, S.: Våre fugler. NKS-Forlaget

Økland, J. og Økland K.A.: Dyreliv i vann og vassdrag. Cappelens naturhåndbøker

eller:

Raastad, J.E. og Olsen L.H.: Insekter og småkryp i vann og vassdrag. Aschehougs naturbøker

Bergan, K.: Livet i fjæra. Cappelens felthåndbøker

Ei nyttig bok:

Rueness, J.: Alger i farger. Almater Forlag

#### **Kvar student må ha følgende kart:**

Sunnmøralspane (Ev. Volda, Nordfjordeid, Hjørundfjord, Sykkylven)

Tafjordfjella (Ev. Romsdalen og Tordsvatnet)

Visdalen/Galdhøpiggen

Sjøkart nr. 30

#### **Nødvendig materiell:**

Parallellinjal

Passer

Kompass

Snøspade

Søkestang

Annet turutstyr for friluftsliv sommer og vinter

Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------



- [INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI](#)
  - [MÅLGRUPPER OG OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
- [INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI 1, 30 STP.](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
- [INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI 2, 30 STP.](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)

## INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI

I fagplanen vert omgrepet informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) nytta om den integrerte digitale teknologien som i aukande grad påverkar daglegliv, samfunn og arbeid.

Fagplanen er bygd på rammeplanen i faget, datert 02.06.97.

Høgskulen i Volda tilbyr desse studia 2002/2003:

- Årsstudium, 20 vekttal, består av IKT1 og IKT2 - lokal undervisning
- Halvårseining, 10 vekttal, IKT1 - lokal undervisning
- Halvårseining, 10 vekttal, IKT1 - fjernundervisning med lokale samlingar.

Høgskulen i Volda er også fagleg ansvarleg for fjernstudium i IKT1 og IKT2. Desse vert administrert av Norsk Nettskole.

### MÅLGRUPPER OG OPPTAKSKRAV

Studiet er eit vidareutdanningstilbod for lærarar som arbeider i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring eller i opplæring av vaksne. Studietilbodet kan og nyttast i den valfrie delen av 4-årig allmennlærerutdanning og inngår som del av bachelorstudiet i media, IKT og design.

### MÅL

Studiet skal medverke til at informasjons- og kommunikasjonsteknologi vert integrert som ein naturleg del av opplæringa i grunnskule og vidaregåande opplæring, og som ein del av førebuinga til livslang læring og til fullverdig funksjon i arbeid og fritid. Læreplanane stiller store krav til bruk av IKT på alle klassetrinn og innan alle fagområde. Studiet skal både setje studentane i stand til å nærme seg denne målsetjinga og gjere dei til personlege IKT-brukarar.

Studiet skal utvikle reflekterte haldningar til IKT, slik at vi får ei så konstruktiv utvikling av IKT i skulen som råd. I

tillegg skal studentane få bakgrunn til å nytte IKT i si eiga kompetanseoppbygging.

Utviklinga av informasjons- og kommunikasjonsteknologien er prega av ei grunnleggjande uvisse, både med omsyn til teknisk utvikling, nyvinningar og nye bruksområde. Det gjer at faget ikkje i første rekkje er eit fag fullt av handgrep, men eit fag der ein ser på prinsippa bak handgrepa. Målet vårt er å gi studentane bakgrunn for å kunne delta i og handsame dei endringane som finn stad på dette området.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi får ein stadig breiare plass i samfunnet. Dette gir seg også utslag i skulen. I dei nye læreplanane er IKT tenkt brukt i dei fleste skulefaga. Studiet skal gi eit grunnlag for å nytte IKT i ulike fag. Det legg også stor vekt på bruk av IKT i skulen sin kvardag og vår pedagogiske tradisjon, språkleg, kulturelt og didaktisk. Eit anna aspekt er grunnleggjande forståing for og refleksjon over prinsipielle spørsmål knytte til IKT i skule, samfunn og arbeidsliv.

Studiet skal gjere studentane i stand til å kunne reflektere didaktisk over bruk av den nye teknologien i planlegging og gjennomføring av undervisning.

## **INNHALD**

Faget omhandlar pedagogisk bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), og innhaldet skal vere relevant i skulekvardagen. IKT er korkje eit eige fag i skulen eller har ein eigen tradisjon på høgskulenivå. Det er eit fag som tek opp i seg sider både frå informasjonsvitskapen, informatikken og pedagogikken, og vert på den måten å rekne som eit kunnskapsområde i fleire fag. I dei fleste fag vil IKT bli brukt som reiskap, avhengig av faga sin eigenart og arbeidsform. Studiet omhandlar både generelle teknikkar og meir fagspesifikke metodar.

Både innføring av IKT som reiskap i opplæringa og dei nye læreplanane, vil føre til ei "ny" og utvida lærarrolle. Denne rolla vil stille nye krav til læraren. Studiet vil derfor ta opp den nye lærarrolla med bruk av IKT og dei nye arbeidsmåtane IKT medfører. Vidare tek ein opp teknologien sin plass i skule, samfunn og arbeidsliv, kva utfordringar dette skaper og kva avgrensingar som trengst.

Sjå innhald under IKT1 og IKT2.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

### ***Lokal undervisning på høgskulen***

Informasjonsdeling er ein viktig faktor i informasjonssamfunnet, og studiet legg opp til stor grad av utveksling og deling studentane imellom. I studiet nyttar ein mykje gruppearbeid med problembaserte oppgåver og case. Det kan krevjast at obligatoriske oppgåver skal gjerast tilgjengelege for medstudentar og sidan studiet i stor grad baserer seg på mappevurdering er det naturleg at ein del av desse oppgåvene skal liggje synlege for andre studentar på studiet. Det vert obligatorisk frammøte på presentasjonar av arbeid av og for medstudentar.

Pedagogisk praksis er obligatorisk. Det kan gjevast fritak for studentar som kan dokumentere godkjent praksis frå 4-årig lærarutdanning.

Studentane vil få høve til å påverke utvikling og gjennomføring av studiet i form av gruppe for studiekvalitet. Denne gruppa skal ha jamlege møte som mellom anna skal vurdere læringsmiljø, gjennomføring, vektlegging og faginnhald.

### ***Fjernundervisninga***

Undervisninga finn stad på Internett. Studentane må ha personleg elektronisk postadresse, og kunne sende og ta imot meldingar ved studiestart. Studiet gjer seg bruk av ulike former for formidling, som til dømes tekster, video, multimedia og andre former for informasjon som kan distribuerast til studenten. Førelingar/kompendium blir sende til studentane over nettet. Der vil også studentane få rettleiing, arbeidsoppgåver og annan informasjon. Studentane vert oppfordra til å ta kontakt og dele informasjon med kvarandre mellom anna gjennom, diskusjonsforum, e-post og sanntids kommunikasjonsverktøy som IRC og Instant Message-klientar. Studentane vert delt inn i grupper på om lag 50 som får sin eigen rettleiar.

Studentane vil få høve til å påverke gjennomføringa av studiet gjennom evalueringar i form av spørjeundersøkingar og jamn kontakt med rettleiar og studieleiar. Dette vurderingsarbeidet skal mellom anna vurdere læringsmiljø, gjennomføring, vektlegging og faginnhald.

Alle forelesingar, kompendium og opplysningar generelt, vert lagt inn på eit system av nettsider der stoffet kan hentast, lesast eller skrivast ut.

## VURDERING OG EKSAMEN

Nærare omtale av vurderingsformer vert gitt under kvar modul. Det vert gitt samla bokstavkarakter for kvar av einingane IKT1 og IKT2. Karakteren blir utrekna matematisk. For å få karakterutskrift med samla karakter må alle modular i einingane vere gjennomført og greidd.

## INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI 1, 30 STP.

Studiet har tatt opp i seg heile etterutdanningsplanen i IKT for lærarar.

### OPPTAKSKRAV

Det er ein føresetnad for studiet at studentane på førehand har eit grunnlag i bruk av standard IKT-verktøy og elektroniske læremiddel, tilsvarande det suppleringskurset (25 timar) som vert tilbydd studentar i allmennlærerutdanninga.

### MÅL

Gjennom arbeidet med studieeininga skal studentane

- nytte IKT som verktøy i eige arbeid i skule og opplæring
- utvikle reflekterte haldningar til pedagogisk bruk av IKT
- utvide kunnskapen sin om den rolle IKT har fått på ulike samfunnsområde
- utvikle reflekterte haldningar til bruk av IKT i samfunn og arbeidsliv
- kunne vurdere IKT brukt i ulike fag
- øve opp evna til å nytte IKT-verktøy til å ta seg fram og utvikle lærestoff der lærestoff ikkje er ferdig tilrettelagt
- kjenne til og kunne gjere greie for IKT-løysingar og arbeidsformer for bruk i opplæringssituasjonar
- vere førebudd på dei metode- og rolleendingane som IKT medfører i skule og opplæring
- ha kunnskap om og kunne gjennomføre oppsetjing, installasjon og enkelt vedlikehald av IKT- utstyr

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Pedagogisk praksis knytt til undervisning og opplæring i IKT-bruk er obligatorisk. Det kan gjevast fritak for studentar som kan dokumentere godkjent praksis frå 4.årig lærarutdanning.

I studieeininga legg vi opp til problembaserte og autentiske arbeidsformer som er relaterte til arbeidsoppgåver i skule og opplæring.

### INNHALD

Eininga er delt i to modular:

- Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi - INF (15stp)
- IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT - SMF/PBI (15 stp)

### VURDERING OG EKSAMEN

Det vert gitt samla bokstavkarakter for IKT1. Modulane blir likt vekta og karakteren utrekna matematisk. For å få karakterutskrift med samla karakter må alle modular i einingane vere gjennomført og greidd.

#### *Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi - INF*

#### **Omfang:**

15 studiepoeng

#### **Forkunnskap:**

Studenten bør ha eit grunnlag i bruk av standard IKT-verktøy og elektroniske læremiddel som tilsvarer det suppleringskurset (25 timar) som vert tilbydd studentar i allmennlærerutdanninga.

#### **Målsetting:**

Modulen tek opp grunnleggjande emne innan IKT og skal setje studentane i stand til å bruke IKT som ein effektiv reiskap i sin eigen kvardag. Dette er retta mot undervisning, eigenutvikling og administrativt arbeid.

**Innhald:**

- Konfigurering av utstyr og programvare
- Operativsystem med nettverk og vedlikehold under Windows
- Lyd- og bilettbehandling, redigering og ulike format
- Rekneark, simulering og diagram
- Tekstbehandling
- Internett, kommunikasjon og informasjonsdeling
- Hypermedia
- Publikasjon på skjerm
- IKT og personvern
- IKT og opphavsrett

**Undervisningsformer:**

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til skule og opplæring. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

**Vurdering og eksamen**

Gjennom denne modulen vil det bli gitt 6 obligatoriske oppgåver. Tre av desse vil bli valt ut til vurdering etter nærare retningslinjer gitt ved studiestart. Oppgåvene har lik vektning og får samla bokstavkarakter.

**Litteraturliste: (Førebels)**

*Det vil seinare bli spesifisert kva kapittel av bøkene i lista som skal med i pensumlista.*

PC for dummies (Dan Gookin) ISBN 82-7772-099-8

Innføring i databehandling ( Ivar J. Aasen m.fl.) ISBN 82-518-3598-4

Les mer om Microsoft Excel 2000 (DataPower Learning) ISBN: 82-477-0453-6

Les m er om Microsoft Word 2000 (DataPower Learning) ISBN: 82-477-0452-8

Digital Bildbehandling (Astrid Haugland) Pagina forlag, ISBN 91-636-0682-8

Lyd på PC (Terje Hanssen)

Internett i skolen. Etikk og jus. (Tove Hauge & Morten S. Hagedal) Nasjonalt læremiddelsenter 2000. ISBN-82-486-0500-0 - Eller på nettet: [http://skolenettet.ls.no/etikk\\_jus/](http://skolenettet.ls.no/etikk_jus/)

Opphavsrett - en introduksjon. (Olav Torvund) <http://www.torvund.net/artikler/art-opphav.html>

Lov om opphavsrett til åndsverk. <http://www.lovdato.no/all/hl-19610512-002.html>

Lov om behandling av personopplysninger. <http://www.lovdato.no/all/hl-20000414-031.html>

**IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT - SMF/PBI****Omfang:**

15 studiepoeng

**Forkunnskap:**

Som grunnlag for denne modulen krevjast modulen INF (Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi) eller tilsvarende kompetanse.

**Målsetting:**

I denne modulen prøver vi å setje IKT inn i ein samfunnsmessig samanheng. Vi tek opp sider ved IKT-bruk i samfunn og arbeidsliv som også er relevante i skule og opplæring.

Vidare skal modulen gi studentane bakgrunn for å konkretisere læreplanane sine mål om integrasjon av IKT i ulike faglege samanhengar. Vi legg vekt på den endra didaktikken som IKT fører med seg, både med tanke på målretta bruk av IKT og den endra lærarrolla som IKT ofte fører med seg. Opplæring i produksjon av nettstad står sentralt.

**Innhald:**

- IKT i teknologihistoria
- IKT, arbeid og arbeidsmiljø
- IKT, barn og samfunn
- IKT og det sårbare samfunn
- IKT-bruk og etikk
- IKT og likestilling



- Grunnleggjande teoriar for vev-design m/form og farge
- Læring og læringsssyn (Læringsteoriar, IKT som læringsverktøy, IKT i faga)
- Digitale læremiddel
- IKT og tilpassa opplæring (grunnleggjande)
- IKT i problembasert læring
- IKT i open og fleksibel læring, t.d. fjernundervisning

### **Undervisningsformer:**

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til skule og opplæring. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

### **Vurdering og eksamen:**

Gjennom denne modulen vil det bli gitt to obligatoriske oppgåver knytt til bruk av IKT i samfunn og arbeidsliv. Ei av desse vert trekt ut til vurdering og tel 25% av den endelege karakteren i modulen.

I tillegg skal studenten laga eit nettbasert undervisningsopplegg som vil telje 75% av karakteren. I vurderinga av undervisningsopplegget inngår ein didaktisk presentasjon.

Karakteren frå SMF og PBI vert slått saman til ein bokstavkarakter med vekting 25 % på SMF og 75 % på PBI.

### **Litteraturliste: (Førebels)**

*Det vil seinare bli spesifisert kva kapittel av bøkene i lista som skal med i pensumlista.*

Innføring i databehandling ( Ivar J. Aasen m.fl.) ISBN 82-518-3598-4

Internett i skolen. Etikk og jus. (Tove Hauge & Morten S. Hagedal)

Nasjonalt læremiddelsenter 2000. ISBN-82-486-0500-0 -

Eller på nettet: [http://skolenettet.ls.no/etikk\\_jus/](http://skolenettet.ls.no/etikk_jus/)

Opphavsrett - en introduksjon. (Olav Torvund) <http://www.torvund.net/artikler/art-opphav.html>

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (KUF) ISBN 82-7726-411-9

IT og nye læreprosesser (Steen Larssen) ISBN 87-9866-960-5

Web Style Guide (Horton, Sarah og Lynch, Patrick) ISBN 0-300-07675-4

Eller på nettet: <http://info.med.yale.edu/caim/manual/contents.html>

Barn erobrer datamaskinen (Appelberg, Lisbeth & Erikson, Marta-Lisa) ISBN 82-446-0811-0

Mystery Meat Navigation (Flanders, V)

Frå Guri Mette Vestby, NIBR: Jentene, guttene og IT-begrepene:

Sammendrag.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990081/index-dok000-b-n-a.html> P146\_4484

Formålet med undersøkelsen.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990081/index-dok000-b-n-a.html> - P242\_21582

Kap. 8 - Sluttdrøftingar og problematisering.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990081/index-dok000-b-n-a.html> - P1499\_86470

Frå Ola Erstad, ITU: Innovasjon eller tradisjon.

Evaluering av prosjektvirksomhet under KUFs handlingsplan:

Kap. 5.2 om Jenters bruk av IKT.

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990250/index-dok000-b-n-a.html> - hov5

Internett - Jentenett? Ungdomsskolejenters databruk og datainteresser (Tove Håpnes/Bente Rasmussen)

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/014005-990252/index-dok000-b-n-a.html>

## **INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI 2, 30 STUDIEPOENG**

### **OPPTAKSKRAV**

For å avlegge eksamen må studenten ha generell studiekompetanse og gjennomført første halvårseining av studiet.

### **MÅL**

- Gjennom arbeidet med studieeininga skal studentane:
- Kunne utforme og leggje til rette pedagogisk materiell på elektroniske medium.
- Kjenne til, kunne bruke, vurdere og formidle kunnskap om aktuelle elektroniske læremiddel.

- Kjenne til, kunne bruke og vurdere arbeidsformer som elektroniske læremiddel opnar for.
- Kunne initiere og gjennomføre prosjekt innan bruk av IKT i skule og opplæring
- Tileigne seg eit grunnlag for å bruke IKT slik at det fremjar samarbeid og kommunikasjon mellom menneske heller enn å skape skilje.
- Utvikle reflekterte haldningar til korleis elektroniske læremiddel påverkar og endrar mål, innhald, arbeidsmåtar og elev-/lærarroller i skule og opplæring.
- Ha kunnskap om og kunne gjere greie for eigenskapar ved ulike teknologiske plattformer.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Det skal leverast eitt obligatorisk arbeid som er eit større prosjektarbeid på 6 studiepoeng.

Pedagogisk praksis knytt til undervisning og opplæring i IKT-bruk er obligatorisk. Det kan gjevast fritak for studentar som kan dokumentere godkjent praksis frå 4.årig lærarutdanning.

## **INNHALD**

Studiet er delt i tre modular:

- Nettverk og kommunikasjon - NoK (15 stp)
- Stor Vev (9 stp)
- Fordjupningoppgåve (6 stp)

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Det vert gitt samla bokstavkarakter for IKT2. Modulane med bokstavkarakter blir likt vekta og karakteren utrekna matematisk. For å få karakterutskrift med samla karakter må alle modular i einingane vere gjennomført og greidd.

### ***Nettverk og kommunikasjon - NoK***

#### ***Omfang:***

15 studiepoeng

#### ***Forkunnskap:***

Som grunnlag for denne modulen krevjast modulen SMF/PBI (IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT), og INF (Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi) eller tilsvarende kompetanse.

#### ***Målsetting:***

Gjennom arbeidet med studieeininga skal studentane utvikle reflekterte haldningar til pedagogisk bruk av IKT i ulike fag. Dei skal også tileigne seg eit grunnlag for å bruke IKT slik at det fremjar samarbeid og kommunikasjon mellom menneske heller enn å skape skilje. Studenten bør kjenne til, kunne bruke og vurdere arbeidsformer som elektroniske læremiddel opnar for og initiere og gjennomføre prosjekt innan bruk av IKT i skule og opplæring.

#### ***Innhald:***

- System, installasjonar og nettverk.
- Kommunikasjon v.hj.a. datamaskin (CMC).
- Open og fleksibel læring.
- Nasjonalt og internasjonalt samarbeid, på lærar- og elev-/studentnivå.
- Tilpassa opplæring v.hj.a. IKT (Vidareføring av emnet i PBI).
- Bruk av IKT i ulike fag.
- Bruk av kombinerte digitale medium i undervisning, og arbeid (IKT-strategi).

#### ***Undervisningsformer:***

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til skule og opplæring. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

#### ***Vurdering og eksamen***

Mappeevaluering.

Innlevering av seks obligatoriske arbeid. Tre av desse vil bli valt ut til vurdering etter nærare retningsliner gitt ved studiestart. Oppgåvene har lik vektning og får samla bokstavkarakter.

**Litteraturliste: (Førebels)**

*Det vil seinare bli spesifisert kva kapittel av bøkene i lista som skal med i pensumlista.*

Innføring i databehandling (Ivar J. Aasen m.fl.) ISBN 82-518-3598-4

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (KUF) ISBN 82-7726-411-9

IT og nye læreprosesser (Steen Larssen) ISBN 87-9866-960-5

Barn erobrer datamaskinen (Appelberg, Lisbeth & Erikson, Marta-Lisa) ISBN 82-446-0811-0

IKT og tilpassa opplæring (Tore Brøyn og Jon-Håkon Schultz) ISBN 9-788251-839020

Is Technophobia Keeping You Off the Internet? (Bollentin, W R)

E-post og nettvett (Nextel.no)

Webdesign (Kristin Ove-Rein m.fl.) DataPower ISBN 82-477-0531-1

Læring med IT (Glenn-Egil Torgersen) ISBN 82-994777-0-0

Berge, Z: CMC and the On-Line Classroom in Distance Education,

Strickland, Cyd: A Personal Experience with Electronic Community

**Gathen Per: Det virtuelle klasserom og den interaktive tavla**

**I retning av en mer fleksibel skole - Suksesskriterier for IKT-bruk i skolen. (FoU 30/98: KUF)**

**Utvalde artiklar frå It i Skolan (ITIS)**

**Stor vev - StV**

**Omfang:**

9 studiepoeng

**Forkunnskap:**

Som grunnlag for denne modulen krevjast modulane SMF/PBI (IKT i samfunn og arbeidsliv og pedagogisk bruk av IKT), og INF (Innføring i informasjons- og kommunikasjonsteknologi) eller tilsvarande kompetanse.

**Målsetting:**

Emnet omfattar ei innføring i grunnleggjande prinsipp for programutforming retta mot skule og opplæring.

**Innhald:**

- Kombinere teknikkar for effektiv produksjon og vedlikehald av interaktiv nettstad
- Grunnleggjande prinsipp for utforming og grensesnitt
- Grunnleggjande prinsipp i programmering (variable, løkkjer, vilkår, modular)

**Undervisningsformer:**

Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer, individuelt og i grupper. Det vil bli gitt oppgåver med obligatorisk innlevering/presentasjon.

**Vurdering og eksamen:**

Tre dagars individuell heimeeksamen gitt over nett. Eksamen blir vurdert med bokstavkarakter.

**Litteraturliste:**

*Pensumliste vert delt ut ved oppstart av modulen.*

**Fordjupningsoppgåve - FoOp****Omfang:**

6 studiepoeng

**Innhald:**

Oppgåva skal vere knytt til ein eller fleire av modulane i studieeininga.

**Vurdering og eksamen:**

Oppgåva skal dokumenterast, og vert vurdert med karakteren stått/ikkje stått. Studenten må ha stått på fordjupningsoppgåva for å få karakterutskrift i IKT2.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **KROPPSØVING 2, 30 STUDIEPOENG**

- [I. Innleiing \( sjå rammeplanen\)](#)
- [II. Mål og målområde - sjå rammeplanen](#)
- [III. Fagleg innhald](#)
  - [Sansemotorikk I \(for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1\)](#)
  - [Leik I \(for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1\)](#)
  - [Idrett](#)
  - [Dans](#)
  - [Friluftsliv](#)
  - [Fagdidaktikk](#)
  - [Kropp, trening og helse](#)
  - [Fordjupningseining \(bare for studentar som har gjennomført Kroppsøving1\)](#)
- [ORGANISERING OG UNDERVISNINGSFORMER](#)
- [VURDERING](#)
  - [Arbeidskrav/prøver](#)
  - [EKSAMEN](#)
  - [Studieevaluering og fagkritisk arbeid](#)
- [PENSUM](#)

## KROPPSØVING 2, 30 STUDIEPOENG

### I. INNLEIING ( SJÅ RAMMEPLANEN)

Kroppsøving 2, byggjer på Kroppsøving 1 og 2 i *Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning* (KUF 1999) og Lov av 12.05.1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler, med endringer i Lov av 28.06.2002. Fagplanen må sjåast i samanheng med rammeplana for faget. Fagplanen konkretiserar innhald for måla i rammeplanen, organisering, arbeidsformer, vurderingsordningar og pensumlitteratur. Det som står klart i rammeplanen vert ikkje teke med i fagplanen.

Studiefaget kroppsøving har sin eigenart i arbeidet med praktiske aktivitetar i aktivitetstil. Innhaldet i fagstudiet er difor i stor grad praktisk retta og i samsvar med det lærestoffet som er forpliktande for grunnskulen. Kroppsøvingssesjonen ved HVO sitt spesielle satsingsfelt er friluftsliv, fysisk aktiv leik og fysisk aktiv livsstil.

#### **Omfang**

Kroppsøving 2 er den fyrste studieeininga på 30 studiepoeng og kan veljast/søkjast som ei sjølvstendig eining med mulegheit til å utvide kroppsøving til 60 studiepoeng ved å gå Kroppsøving 3 seinare.

#### **Målgruppe**

Kroppsøving 2 skal primært førebu studentane til arbeid i grunnskulen.

Kroppsøving 2 kan veljast av studentar fjerde studieår i lærarutdanninga, søkjast av lærarar som vidareutdanning eller av andre studentar som ordinært studie. Den kan veljast/søkjast både av studentar som har kroppsøving 1 og av studentar som ikkje har kroppsøving 1 frå før.

#### **Opptakskrav**

Studiet er ope for søkjarar med generell studiekompetanse.

## II. MÅL OG MÅLOMRÅDE - SJÅ RAMMEPLANEN

Sidan Kroppsøving 2 kan veljast både av studentar som har fullført Kroppsøving 1 og studentar som ikkje har denne studieeininga frå før, vil det bli eit differensiert studieløp for desse to studentgruppene. Studiet er organisert med ei felleseining på 15 studiepoeng for alle studentane. Desse målområda er markert med II. Dei studentane som har Kroppsøving 1 frå før skal i tillegg gjennomføre ei Fordjupingseining på 15 studiepoeng, medan dei studentane som ikkje har Kroppsøving 1 frå før gjennomfører Kroppsøving I. Målområda for Kroppsøving I er markert med I.

### ***Dei som ikkje har Kroppsøving 1 frå før skal arbeide etter mål i målområda:***

- Sansemotorikk I 2 studiepoeng
- Leik I 2 studiepoeng
- Idrett I og II 4 + 4 studiepoeng
- Dans I og II 2 + 2 studiepoeng
- Friluftsliv I og II 2 + 2 studiepoeng
- Kropp, trening og helse II 5 studiepoeng
- Fagdidaktikk I og II 3 + 2 studiepoeng
- = 30 studiepoeng

### ***Dei som har Kroppsøving 1 frå før skal arbeide etter mål i målområda:***

- Idrett II 4 studiepoeng
- Dans II 2 studiepoeng
- Friluftsliv II 2 studiepoeng
- Kropp, trening og helse II 5 studiepoeng
- Fagdidaktikk II 2 studiepoeng
- +Fordjupingseining 15 studiepoeng
- = 30 studiepoeng

## III. FAGLEG INNHOLD

Mål for kvart målområde sjå "*Rammeplan og forskrift for 4-årig Allmennlærerutdanning*"

### **Sansemotorikk I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)**

Mål for målområdet Sansemotorikk I sjå rammeplan s.89-90.

Målområdet sansemotorikk vil ikkje vere eit klart avgrensa emne, men inngå som ein naturleg del i alle praktiske aktivitetar. Nokre delemne vil imidlertid vere av ein slik karakter at dei må takast opp spesielt.

DELEMNE . Sjå Sansemotorikk I i fagplanen for Kroppsøving 1

### **Leik I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)**

Mål for målområdet Leik I sjå rammeplan s.90

Leik vil naturleg også høyre heime under idrett, dans og friluftsliv.

DELEMNE. Sjå Leik I i fagplanen for Kroppsøving 1

### **Idrett**

#### **Idrett I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)**

Mål for målområdet Idrett I sjå rammeplan s.91

Grunnleggjande rørsler

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med idrett.

DELEMNE. Sjå Leik I i fagplanen for Kroppsøving 1

## **Idrett II** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Mål for målområdet Idrett II sjå rammeplan s.92

Øving av eigenferdigheit gjennom praktisk-metodisk verksemd og utvikling av undervisningsdugleik i utvalde aktivitetar

### DELEMNE

Fotball, basketball, innebandy og nye ballspel

Ein prøver å fremje eit heilskapssyn på ballspel gjennom bevisstgjerjing av grunnleggjande prinsipp og likskapar mellom ballspela.

- Tillempingar for skulebruk med utgangspunkt i leikprega aktivitet

- Praktisk-metodiske innlæringsmoment i dei ulike ballspela
- Tekniske ferdigheiter.
- Samspeforståing med prinsipp for forsvars- og angrepsarbeid og enkle spelesystem
- Normer og reglar for kvart ballspel, i kroppsøving og i idrett
- Leiing og dømning av spel

### Friddrett

Studiet i friddrett har som mål å gje studentane metodisk innsikt og ferdigheit i dei vanlege øvingane som går inn i idretten og gje kunnskap om korleis desse kan tilpassast ulike nivå og situa-sjonar i grunnskulen.

- Løpsskulering, enkle stafettar, ståande start
- Lengdehopp med tillaup
- Høgdehopp med tillaup
- Kast med liten-, stor- og slengball
- Kulestøt

### Orientering

Studiet skal gje metodisk innsikt i orienter-ing i grun-nskulen og gje ferdigheit i bruk av kart og kompass i ulike miljø.

- Kartlære.
- Bruk av kart i nærmiljø og natur.
- Kompassets konstruksjon og funksjon.
- Bruk av kart og kompass i ulike miljøkategoriar.
- Orienteringsvariantar.
- Løypeleggjing

### Symjing

- Utvida vasstilvenning.
- Utvikling av eigenferdigheit i dei tradisjonelle symjeartane inkl. startstup og vending.
- Ballspel. (Vasspolo)
- Enkle synkronsymjingsøvingar.

### TFO

TFO vert belyst i situasjonar i alle aktivitetar der det fell seg naturleg å ta opp temaet. Det blir praksis med funksjonshemma i samband med Kurs og vinteraktivitetsveka.

### Praktisk treningslære

Trening av kvantitative (uthald, styrke og bevegeligheit) og kvalitative (tekniske) eigenskapar.

## **Dans**

**Dans I** (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Dans I sjå rammeplan s.91

Grunnleggjande rørsle

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med dans.

DELEMNE . Sjå Dans I i fagplanen for Kroppsøving 1

**Dans II** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Mål for målområdet Dans II sjå rammeplan s.92

Kunnskap om og ferdigheiter i dans som samvær-, uttrykks-, kommunikasjons- og treningsform

DELEMNE

- Kreativ dans

- Folkedans

- Aerobic

- Drama

**Friluftsliv**

**Friluftsliv I** (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Friluftsliv I sjå rammeplan s.91

Grunnleggjande rørsler

-grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med friluftsliv.

DELEMNE . Sjå Friluftsliv I i fagplanen for Kroppsøving 1 og under "ekskursjonar".

**Friluftsliv II** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Mål for målområdet Friluftsliv II sjå rammeplan s.92

DELEMNE . (sjå "ekskursjonar" )

- Kystfriluftsliv med innføring i kystkultur, livet i fjøra/strandsona, fiske og båtbruk. 3 dagars kurs med overnatting i telt.

- Friluftsliv om vinteren (I samband med TFO praksis)

**Fagdidaktikk**

**Fagdidaktikk I** (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Fagdidaktikk I sjå rammeplan s.91

DELEMNE sjå Fagdidaktikk I i fagplanen for Kroppsøving1

**Fagdidaktikk II** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Mål for målområdet Fagdidaktikk II sjå rammeplan s.93

DELEMNE .

- Samanheng mellom borns behov for fysisk aktivitet, kroppsøving i skulen og



### oppvekstvilkår

- Kunne utarbeide lokale læreplaner og tilretteleggje stimulerende læringsmiljø
- Individuelle og tilpassa læreplaner i kroppsøving
- Kjenne til og kunne anvende ulike metodar og elevvurding i undervisninga, samt gjennomføre tema- og prosjektarbeid der kroppsøving er med
- Kyndigheit i bruk av observasjon og tilrettelegging av tilpassa undervisning og læring.
- Enkle testar som pedagogisk verkemiddel i kroppsøving
- Ivareta sikkerheit i val av utstyr, lærestoff og læringsmiljø
- Gutter og jenter sine ulike haldningar til og interesse for kroppsøving
- Sjølvbilete og helsefremjande livsstil, rus og kroppskultur
- Trening som førebyggjande helsearbeid for born og unge vaksne.

## **Kropp, trening og helse**

### **Kropp, trening og helse II** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Mål for målområdet Kropp, trening og helse II sjå rammeplan s.92- 93

I arbeidet med å nå måla i Kropp, trening og helse vil fokus vere retta mot studie knytta til fylgjande delemne:

#### DELEMNE

- Grunnleggjande anatomi, fysiologi og ergonomi med tanke på fysisk utfolding
- Grunnleggjande prinsipp i trenings- og rørslelære
- Skadeførebyggjing og enkel fyrstehjelp
- Samanheng mellom ulike former for fysisk aktivitet og helse
- Samanheng mellom fysisk aktivitet, trening, kroppsideal, kosthald, rusmiddel og livsstil
- TFO i kroppsøving.

## **Fordjupningseining (bare for studentar som har gjennomført Kroppsøving1)**

Mål for målområdet Utviklingsarbeid og fagleg fordjuping sjå rammeplan s.94

Det vert stilt krav om å meiste endring og fornying knytta til yrkesrolla som vil vere i kontinuerleg endring. Fagdidaktisk arbeid skal gje auka innsikt i undervisning og læring i kroppsøving.

I arbeidet med å nå måla i rammeplana vil det bli gjennomført eit innføringskurs med fylgjande delemne:

#### DELEMNE

- FOU-arbeid i kroppsøving
- Former for utviklingsarbeid i kroppsøving
- Forskningsmetodikk
- Vitskapsteori
- IT i kroppsøvingsfaget
- IT og literatursøk.

Etter gjennomført innføringskurs skal studentane i gruppe på maks tre personar utarbeide ein prosjekttale med utgangspunkt i vald problemområde som skal godkjennast av ein rettleiar før arbeidet kan starte.

Utviklingsarbeidet skal omfatte:

- Val av tema og beskrivelse av problemområdet med teoriforankring
- Avgrensing av problemområdet og presisering av problemstillingar
- Vurdering av metode
- Innhenting av data
- Presentasjon og drøfting av resultat
- Konklusjon på bakgrunn av data
- Aktuelle oppgåver å vidareføre

Arbeidet skal slutførast i ein skriftleg rapport som skal fylgje forskningsmessige kriterier og vere levert innan fastsett frist. Den skriftlege rapporten blir rekna som eit eksamensarbeid og skal gjevast gradert karakter.

## ORGANISERING OG UNDERVISNINGSFORMER

Studentane skal tileigne seg generell og spesiell teoretisk kunnskap, praktisk ferdigheit og innsikt i forhold til ulike typar fysisk aktivitet. Ein vil variere mellom klasseromsundervisning, gruppearbeid, sjølvstudium, ekskursjonar, aktivitetar i nærmiljø/ symjehall/gymsal der ein gjer bruk av ulike undervisningsmetodar og arbeidsformer.

Kroppsøving krev varierte arbeidsformer som m.a. studentaktive - og tverrfaglege arbeidsformer og pedagogisk bruk av IKT. Praktisk-metodisk innføring i ulike emne krev aktiv deltaking frå studentane. Studentane vil få trening i å planleggje, tilrettleggje og gjennomføre praktisk lærararbeid i kroppsøving.

Teoriundervisninga vil til vanleg gå føre seg i samla gruppe, medan det ellers vil vere vanleg med grupper på inntil 20 studentar. Førelingar vil bli brukt på to måtar; som oversiktsføreling eller som ressursføreling der studentane ber om ei føreling innanfor eit bestemt emne.

Rettleiing skal supplere studentane sitt eige arbeid og er såleis eit viktig ledd i studentane si utvikling av eit reflektert forhold til fagstoffet og lærarrolla.

Eigentrening av idrettslege ferdigheiter vil kunne gje studentane større innsikt i faktorar som påverkar læring av motoriske ferdigheiter, samt gje føresetnadar for å kunne presentere eit godt øvingsbilete.

Informasjonsteknologi kan vere ein reiskap i kroppsøvingsfaget til dømes i samband med informasjonssøking, arrangement og testing.

### ***Tilpassa opplæring i skuleverket***

Tilpassa opplæring er den grunnleggjande måten skulen skal drive opplæring på. Studentane må difor tileigne seg kunnskap og innsikt i nokre av dei utfordringane ein som kroppsøvingslærer vil møte for å kunne tilby **alle** elevar ei opplæring som tek utgangspunkt i den einskilde elev sin bakgrunn, føresetnadar og behov.

Tilpassa opplæring i skuleverket er ikkje eit klart avgrensa emne, men inngår som ein naturleg del i alle målområder.

Praktisk røynsle i arbeid med born og unge med særlege behov vert gjeve i samband med praksisarbeidet i Kurs- og vinteraktivitetsveka på Bjorli

### ***Idrettsteori (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Idrettsteorien er knytt til kvart av dei praktisk-metodiske emna (ikkje friluftsliv) og skal gje kunnskap om metodikk, rørsler, øvingar, regelverk og sikringsrutinar.

Det vert ikkje gitt spesiell undervisning i idrettsteori, men den vil bli belyst i timane med praktisk-metodisk innhald.

Ved utleverte arbeidsoppgåver i kvart av dei praktisk-metodiske emna skal studentane dokumentere kunnskap i idrettsteori. Arbeidsoppgåvene blir levert inn etter avslutninga av kvart praktisk metodisk emne (frist for innlevering av kvar arbeidsoppgåve vert avgjort av faglærer) og vurdert til godkjent/ikkje godkjent av faglærer.

Arbeidsoppgåvene for alle praktisk metodiske emne må vere godkjent før ein kan få studiet godkjent.

### ***Emnepraksisprøve (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

For kvar student er opplegget; førebuing, gjennomføring og eigenvurdering av eitt undervisningsopplegg og samtale med faglærarane. Oppgåva blir gitt av faglærer.

Emnepraksisprøver vert gjennomført som studentleidd undervisning i dei praktiske emna: Studentane skal ha førrettleiing. Førebuingarbeidet skal vere skriftleg med plan over korleis timen skal gjennomførast, hjelpeøvingar m.m. Denne emnepraksisen skal gjennomførast med medstudentar eller skuleelevar.

### ***Kurs og ekskursjonar***

Det meste av undervisninga vil føregå på HVO sine anlegg, baner, salar og symjehall.

### **Orientering (felles for alle Kroppsøving2 studentar)**

Noko av undervisninga i orientering vil foregå så langt frå skulen at studentane må rekne med utgifter til skyss.

### **Friluftsliv**

Undervisning i friluftsliv vil mellom anna bli gjennomført som kurs.

Friluftsliv I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

- Eit 2 dagars turopplegg om hausten med overnatting i telt. Studentane må rekne med kostnader til reise samt fråvær frå heimen inntil 2 dagar.

## Friluftsliv II (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

- Eit 3 dagars kurs i kystfriluftsliv om hausten med overnatting i telt. Studentane må rekne med reiseutgifter samt fråvær frå heimen inntil 3 dagar.

Gjennom studieåret skal studentane føre loggbok i samband med kvart kurs i friluftsliv.

Loggboka skal innehalde både opplevingar, faglege tema og eigenvurderingar.

Etter kvart kurs skal det på grunnlag av loggbøkene utarbeidast ein grupperapport på 7 - 10 maskinskrivne sider. Grupperapporten skal innehalde:

- 1 Ei generell beskriving av planleggjing og gjennomføring av kurset
- 2 Oppsummering og vurdering av faglege tema ein har arbeidd med under kurset
- 3 Synspunkt og vurderingar kring regelverk og lovverk (mellom anna Lov om friluftslivet)
- 4 Stemningar og opplevingar ein vil hukse lenge
- 5 Dei viktigaste tinga ein har lært i samband med kurset

Grupperapporten skal leverast til avtalt tid etter kvart kurs, og vil bli vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

## Snø- og skiaktivitetar (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Sjå "**Barn og snø**" i fagplanen for Kroppsøving1 under "**Ekskursjonar**".

## Sansemotorikk I og leik I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

### Observasjonsoppgåver

Hautsemesteret set vi at tid til å jobbe med observasjon av leikeplassar -og av småskuleborn i aktivitet.

#### *Observasjon av leikeplass.*

Studentane skal i basisgrupper observere og analysere leikeplassar i Volda og/eller Ørsta kommune etter gitte kriterier. Ekskursjonen er obligatorisk.

#### *Observasjon av småskuleborn.*

Småskuleborn kjem til å verte trekte inn i den praktiske undervisninga i samband med øving i observasjon av sansemotorikk. Dette for at studentane skal få praksisretta øving i undervisning og observasjon. Obligatorisk deltakelse.

Observasjonsoppgåvene skal følges opp med etterarbeid og muntlig presentasjon for resten av klassa.

Presentasjonen er obligatorisk. Vi opnar her for bruk av IKT, video, drama m.m. ved framføring. Faglærer vil kunngjere kriterier og arbeidskrav.

## **Praksisarbeid (felles for alle Kroppsøving 2 studentar)**

Praksis blir gjennomført etter gjeldande plan for praksis i almennlærerutdanninga 4. studieår.

"Praktisk lærararbeid. 4. årsstudentar" og "Fag- og vidareutdanning. Praktisk lærararbeid" s. i Studiehandboka 2002-2003 .

Praksisarbeidet vil omfatte:

- Praktisk lærararbeid, gjennomført som eit prosjekt. Studentane skal vere med å planleggje og undervise born og unge med særlege behov i samband med Kurs og vinteraktivitetsveka på Bjorli vinteren 2003.

Omfanget av denne praksisen vil vere ca.20t medrekna planlegging/samtale med lærar/rettleiar.

Obligatorisk deltaking. Studentane må rekne med kostnadar til reise/opphald i samband med denne praksisen, samt fråvær frå heimen i inntil 5 dagar.

Dokumentasjon av praksis.

Kvar student skal utarbeide ein individuell praksisrapport som skal innehalde alt utdelt materiell, planlegging, gjennomføring og evaluering. Denne praksisrapporten er eit arbeidskrav og må vere godkjent for å få godkjent praksis.

## **Materialavgift** (felles for alle Kroppsøving2 studentar)

Studentane må betale ei materialavgift på kr. 100 for å dekkje forbruksmateriell i studieåret.

## VURDERING

### ***Frammøte (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Det vert vist til "**Reglement for studentframmøte ved Høgskulen i Volda**" vedteke 18.04.96.

All undervisning i praktisk metodiske emne og teoritimar knytt til førebuing av kurs og ekskursjonar er obligatorisk. Eventuelle andre obligatoriske teoritimar vert oppgitt av faglærer.

Krav til godkjent frammøte i kvart praktisk metodisk emne er 80% aktiv deltaking.

Det er obligatorisk frammøte til kvart kurs, kvar ekskursjon og praksis.

### ***Praksisarbeid (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Praktisk lærararbeid i samband med Kurs og Vinteraktivitetsveka vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent, dette inneber at både studenten sin praktiske undervisning og rapport må vere godkjent.

### ***Praktisk aktivitet (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Undervegsvurdering av studenten i dei praktiske aktivitetane vert gjort på bakgrunn av prestasjonar, øvingsbilete, initiativ, deltaking og medansvar. Vurderinga her vil vere godkjent/ikkje godkjent.

## Arbeidskrav/prøver

### ***Arbeidskrav(felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Prøva i emnepraksis vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent. Ved ikkje godkjent på denne prøva skal studenten/studentane gjennomføre ei ny forprøve. Denne prøva må vere godkjent før ein kan gjennomføre den praktisk metodiske eksamen.

### ***Arbeidskrav(for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)***

Alle studentar **må** bestå prøva i livredning og hjerte-lungeredning for å kunne gå opp til eksamen. (jfr. rammeplana s. 98)

Konkrete krav til denne prøva vert gjort greie for ved studiestart

### ***Arbeidskrav (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Arbeidsoppgåvene i kvart praktisk metodisk emne må vere vurdert til godkjent.

Grupperapporten etter kurs i Friluftsliv II vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

Godkjent frammøte, godkjent resultat på alle pålagde oppgåver i studieåret og tilfredstillande deltaking i alle obligatoriske studiedelar.

### ***Arbeidskrav (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)***

Grupperapporten etter kurs i Friluftsliv I vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

### ***Vilkår for å kunne gå opp til eksamen:***

Alt dette må vere godkjent før du kan gå opp til den praktisk metodiske eksamen; Frammøte, prøva i livredning og hjarte- og lungeredning, praksisarbeid, praktisk aktivitet, prøver og arbeidskrav.

## EKSAMEN

### ***Vilkår for å kunne gå opp til eksamen:***

Alt dette må vere godkjent før du kan gå opp til den praktisk metodiske eksamen;

Frammøte, prøva i livredning og hjarte- og lungeredning, praksisarbeid, praktisk aktivitet, forprøver og arbeidskrav.

### ***Eksamen (felles for alle Kroppsøving2 studentar)***

Det vert arrangert følgjande eksamenar vurdert av faglærer og sensor:

4 timars individuell skriftleg eksamen i ”Kropp, trening og helse” II .

På slutten av studieåret skal studentane individuelt gjennomføre ein praktisk metodisk eksamen. Instruksjonsoppgåva vert kunngjort ca. 24 timar før gjennomføring. Studentane gjennomfører undervisninga i det tema som er gitt i oppgåva med medstudentar eller andre. Instruksjonen skal vare i ca. 30 minutt. Etter instruksjon blir det munnleg eksaminasjon med prøving av kunnskap til oppgåva og den praktiske gjennomføringa og pensum i fagdidaktikk II.

### ***Eksamen (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)***

#### **MAPPE**

#### ***Del A: Teoretisk fordjupning i leik og sansemotorikk***

Kvar student skal iløpet av haustsemesteret levere ei individuell skriftleg oppgåve innanfor pensum i leik og sansemotorikk. Omfanget på oppgåva er 4-5 maskinskrivne sider. Nærare retningslinjer vert gitt av faglærer.

#### ***Del B: Teoretisk fordjupning i fagdidaktikk I.***

Studentane skal levere ei individuell skriftlig oppgåve innanfor pensum i fagdidaktikk I. Oppgåva skal leverast i vårsemesteret, og omfanget er på 4-5 maskinskrivne sider. Problemstilling og evt. andre arbeidskrav blir kunngjort av faglærer.

Vurdering av mappa: Ved vurdering vil oppgåvene vektast likt.

### ***Eksamen (for studentar som har gjennomført Kroppsøving 1)***

Den skriftlege rapporten i Fordjupingseininga blir vurdert vurdert av rettleiar og ekstern sensor og gitt gradert karakter.

#### ***Ny/utsett avsluttande vurdering***

Studentar som ikkje har nådd målet for studiet ved ordinær avsluttande vurdering eller som har hatt gyldig forfall ved pålagde oppgåver, kan få ny eller utsett vurdering etter reglar fastsett av høgskulen.

Studentar som ikkje får studieeininga godkjent pga. manglande frammøte til obligatoriske delar, må ta opp att heile studieeininga eller delar av denne slik høgskulen bestemmer.

Dersom ein student ikkje tilfredsstillar krava for å få studiet godkjent fastset høgskulen det arbeids- og studieprogrammet som studenten må gjennomføre før denne kan få studiet godkjent.

### **Studieevaluering og fagkritisk arbeid**

Studieevaluering og fagkritisk arbeid vert gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner godkjende ved Høgskulen i Volda. Sjå fellesinformasjon.

Det vert oppnemnt eit fagutval som skal vurdere studiet sitt faginnhald, organisering, arbeidsformer og vurderingsordningar. Fagutvalet skal delta i studiekvalitetsvurderingar og medverke i den årlege revisjonen av fagplanen.

### **PENSUM**

Det vert levert ut arbeidsplaner med fullstendige pensum-/litteraturlister til kvart emne.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **KROPPSØVING 4 (2+3), 60 STUDIEPOENG**
  - I. Innleiing - sjå rammeplanen
    - Omfang
    - Målgruppe
    - Opptakskrav
  - II. Mål og målområde - sjå rammeplanen
  - III. Fagleg innhald
    - Sansemotorikk I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)
    - Leik I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)
    - Idrett
    - Teoretisk og praktisk treningslære og rørslelære
    - Dans
    - Friluftsliv
    - Fagdidaktikk
    - Kropp, trening og helse
    - Kropp, kultur og samfunn
    - Fordjupningseining. (bare for studentar som har gjennomført Kroppsøving1)
  - ORGANISERING OG UNDERVISNINGSFORMER
  - VURDERING
  - PENSUM

## KROPPSØVING 4 (2+3), 60 STUDIEPOENG

### I. INNLEIING - SJÅ RAMMEPLANEN

Kroppsøving 4, bygger på Kroppsøving 1, 2 og 3 i *Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning* (KUF 1999) og Lov av 12.05.1995 nr. 22 om universiteter og høyskoler, med endringer i Lov av 28.06.2002. Fagplanen må sjåas i samanheng med rammeplanen for faget. Fagplanen konkretiserer innhald for måla i rammeplanen, organisering, arbeidsformer, vurderingsordningar og pensumlitteratur. Det som står klart i rammeplanen vert ikkje teke med i fagplanen.

Studiefaget kroppsøving har sin eigenart i arbeidet med praktiske aktivitetar i aktivitetstil. Innhaldet i fagstudiet er difor i stor grad praktisk retta og i samsvar med det lærestoffet som er forpliktande for grunnskulen. Kroppsøvingssesjonen ved HVO sitt spesielle satsingsfelt er friluftsliv, fysisk aktiv leik og fysisk aktiv livsstil.

### Omfang

Kroppsøving 4 er sett saman av Kroppsøving 1, Kroppsøving 2 og kroppsøving 3 og har eit omfang på 60 studiepoeng og kan veljast/søkjast som ei sjølvstendig eining. Denne eininga tilsvarar det som tidlegare vart kalla årseining i kroppsøving og i dei fleste samanhengar kan den samanliknast med eit grunnfag i kroppsøving.

### Målgruppe

Kroppsøving 4 skal primært kvalifisere studentane for arbeid innan alle skuleslag, friviljug organisert og uorganisert idrett og for annan privat og offentleg verksemd som vaksenopplæring, forsvaret, kultur- og fritidssektoren osv. Kroppsøving 4 kan veljast av studentar fjerde studieår i lærarutdanninga, søkjast av lærarar som vidareutdanning eller av andre studentar som ordinært studie. Den kan veljast/søkjast både av studentar som har kroppsøving 1 og av

studentar som ikkje har kroppsøving 1 frå før.

## Opptakskrav

Studiet er ope for søkjarar med generell studiekompetanse.

## II. MÅL OG MÅLOMRÅDE - SJÅ RAMMEPLANEN

Sidan Kroppsøving 4 kan veljast både av studentar som har fullført Kroppsøving 1 og studentar som ikkje har denne studieeininga frå før, vil det bli eit differensiert studieløp for desse to studentgruppene. Studiet er organisert slik at dei ulike einingane kjem klart fram.

Målområda for Kroppsøving 1 er markert med I, målområda for fellesdelen i Kroppsøving 2 er markert med II, målområdet for Kroppsøving 3 er markert med III. Dei studentane som har Kroppsøving 1 frå før skal ikkje gjennomføre dei målområda som er markert med I, men istaden gjennomføre ei Fordjupingseining på 15 studiepoeng. Dei studentane som ikkje har Kroppsøving 1 frå før gjennomfører Kroppsøving I.

### Dei som ikkje har Kroppsøving 1 frå før skal arbeide etter mål i målområda:

- Sansemotorikk I 2 studiepoeng
  - Leik I 2 studiepoeng
  - Idrett I, II og III 4 + 4 + 17 studiepoeng
  - Dans I, II og III 2 + 2 + 3 studiepoeng
  - Friluftsliv I, II og III 2 + 2 + 3 studiepoeng
  - Kropp, trening og helse II 5 studiepoeng
  - Fagdidaktikk I, II og III 3 + 2 + 4 studiepoeng
  - Kropp, kultur og samfunn III 3 studiepoeng
- ≡ 60 studiepoeng

### Dei som har Kroppsøving 1 frå før skal arbeide etter mål i målområda:

- Idrett II og III 4 + 17 studiepoeng
  - Dans II og III 2 + 3 studiepoeng
  - Friluftsliv II og III 2 + 3 studiepoeng
  - Kropp, trening og helse II 5 studiepoeng
  - Fagdidaktikk II og III 2 + 4 studiepoeng
  - Kropp, kultur og samfunn III 3 studiepoeng
- +Fordjupingseining 15 studiepoeng
- ≡ 60 studiepoeng

## III. FAGLEG INNHOLD

Mål for kvart målområde sjå "Rammeplan og forskrift for 4-årig Allmennlærerutdanning"

### Sansemotorikk I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Sansemotorikk I sjå rammeplan s.89-90.

Målområdet sansemotorikk vil ikkje vere eit klart avgrensa emne, men inngå som ein naturleg del i alle praktiske aktivitetar. Nokre delemne vil imidlertid vere av ein slik karakter at dei må takast opp spesielt.

DELEMNE . Sjå Sansemotorikk I i fagplanen for Kroppsøving 1

### Leik I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Leik I sjå rammeplan s.90

Leik vil naturleg også høyre heime under idrett, dans og friluftsliv.

DELEMNE. Sjå Leik I i fagplanen for Kroppsøving 1

### Idrett

## **Idrett I** (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Idrett I sjå rammeplan s.91

Grunnleggjande rørsler

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med idrett.

DELEMNE. Sjå Idrett I i fagplanen for Kroppsøving 1

## **Idrett II** (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Idrett II sjå rammeplan s.92

Øving av eigenferdigheit gjennom praktisk-metodisk verksemd og utvikling av undervisningsferdigheit i utvalde aktivitetar

DELEMNE Sjå Idrett II i fagplanen for Kroppsøving 2

## **Idrett III** (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Idrett III sjå rammeplan s.94 -95

Teoretisk og praktisk treningslære og rørslelære vil vere ein del av Idrett III men vert behandla for seg sjølv.

Øving av eigenferdigheit gjennom praktisk-metodisk verksemd og utvikling av undervisningsferdigheit i utvalde aktivitetar

DELEMNE

Volleyball, handball og nettballspele.

Ein prøver å fremje eit heilskapssyn på ballspel gjennom bevisstgjerung av grunnleggjande prinsipp og likskapar mellom ballspela.

- Tillempingar for skulebruk med utgangspunkt i leikprega aktivitet
- Praktisk-metodiske innlæringsmoment i dei ulike ballspela
- Tekniske dugleikar.
- Samspeleforståing med prinsipp for forsvars- og angrepsarbeid og enkle

spelesystem

- Normer og reglar for kvart ballspel, i kroppsøving og i idrett
- Leiing og dømning av spel

## **Friidrett**

Studiet i friidrett har som mål å gje studentane metodisk innsikt og ferdigheit i dei vanlege øvingane som går inn i idretten og gje kunnskap om korleis desse kan tilpassast ulike nivå og situa-sjonar i grunnskulen.

- Sprint, liggjande start
- Stafettar, veksling
- Hekk
- Diskos
- Spyd
- Stav
- Tresteg
- Høgdehopp, Fosbury
- Kulestøt, O`Brien og rotasjonsteknikk

## **Turn og apparatarbeid**



Studiet i turn skal gje studentane metodisk innsikt og dugleik i dei vanlege reiskap ute og i sal, gje kjennskap til tryggleiksrutinar knytte til bruk av reiskap, og gje innføring i dei mest vanlege hjelpe/mottaksteknikkane. Undervisninga tek utgangspunkt i varierte miljøelement og korleis enkel tilrettelegging kan stimulere til utvikling av varierte og grunnleggjande rørsler. Det vert lagt vekt på å bevisstgjere grunnleggjande rørsle-prinsipp og likskapen mellom øvingar i ulike reiskap og miljø.

### **Ski-aktivitetar**

Undervisninga tek sikte på å gje dugleik og kunnskapar innsikta mot undervisning i ulike skiaktivitetar.

- Slalåm. Langrenn. Telemark. Snowboard.

### **Symjing**

Undervisninga tek sikte på å gje dugleik og kunnskapar innsikta mot undervisning i ulike symjeaktivitetar.

- Teknisk trening på symjeartane
- Synkronsymjing.
- Stup
- Livbergingsaktivitetar

### **Nye idrettar**

Ein vil prøve å gje studentane ei kort innføring i nokre nye idrettar, t.d. fresbee.

## **Teoretisk og praktisk treningslære og rørslelære**

### **Rørslelære**

- Analyser av rørsler frå kroppsøving og idrett med omsyn til sentrale arbeidsoppgåver og ein føremålstenleg teknikk.
- Analyser av stillingar og rørsler med omsyn til holdning og tilpassing til arbeidsmiljøet.

### **Teoretisk og praktisk treningslære**

- Mennesket si tilpassingsevne
- Strukturar og prosessar som ein påverkar med varierte former for styrketrening
- Strukturar og prosessar ein innverkar på gjennom uthaldstrening.
- Strukturar og prosessar som ein har innverknad på gjennom leddutslagstrening.
- Pedagogiske og vitenskaplege evalueringsmåtar nytta på den fysiske yteevna.
- Kjennskap til sentrale prinsipp, metodar og planlegging for trening av fysiske eigenskapar hos barn, unge og vaksne
- Røynsle med varierte former for kroppsaktivitet som er så intense og varige at dei held ved lag eller aukar muskelstyrke, hurtigheit, uthald og leddutslag.
- Røynsle med enkle testmetodar, også bruk av IKT

## **Dans**

Dans I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Dans I sjå rammeplan s.91

### **Grunnleggjande rørsler**

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med dans.

DELEMNE . Sjå Dans I i fagplanen for Kroppsøving 1

Dans II (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Dans II sjå rammeplan s.92

Kunnskap om og ferdigheiter i dans som samvær-, uttrykks-, kommunikasjons- og treningsform

DELEMNE . Sjå Dans II i fagplanen for Kroppsøving 2

Dans III (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Dans III sjå rammeplan s.95

Kunnskap om og ferdigheiter i dans som samvær-, uttrykks-, kommunikasjons- og treningsform

DELEMNE

- Dans i samfunnet og dans i skulen.
- Analyse og trening av danseferdigheit. Meistre eit utvalg dansar. Standard og
- latinamerikansk dans.
- Skape dans/kreativ dans
- Dans som dramaaktivitet
- Aerobic
- Tilpassa opplæring i dans. Forholdet gut - jente. Ulik kulturbakgrunn.

## **Friluftsliv**

Friluftsliv I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Friluftsliv I sjå rammeplan s.91

Grunnleggjande rørsler

- grunnleggjande rørsler i ulike rørslemiljø som basis for vidare arbeid med friluftsliv.

DELEMNE . Sjå Friluftsliv I i fagplanen for Kroppsøving 1 og under "kurs og ekskursjonar".

Friluftsliv II (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Friluftsliv II sjå rammeplan s.92

DELEMNE . sjå Friluftsliv II i fagplanen for Kroppsøving 2 og under "kurs og ekskursjonar"

Friluftsliv III (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Friluftsliv III sjå rammeplan s.95 - 96

DELEMNE

- 3 dagars kurs i snø/vinterfriluftsliv med overnatting
- 2 dagars topptur på ski om våren med overnatting

## **Fagdidaktikk**

Fagdidaktikk I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Mål for målområdet Fagdidaktikk I sjå rammeplan s.91

DELEMNE sjå Fagdidaktikk I i fagplanen for Kroppsøving1

Fagdidaktikk II (felles for alle Kroppsøving4 studentar)

Mål for målområdet Fagdidaktikk II sjå rammeplan s.93

DELEMNE . sjå Fagdidaktikk II i fagplanen for Kroppsøving2

### Fagdidaktikk III (felles for alle Kroppsøving4 studentar)

Mål for målområdet Fagdidaktikk III sjå rammeplan s.96 - 97

DELEMNE

- Ethiske forhold ved undervisning av born, unge og vaksne, og problemstillingar ved ulik kulturell identitet og bakgrunn
- Hovudtrekk og -motsetningar i kroppsøvingfaget si historie og utvikling i ulike land
- Ulikt syn på faget og læraren si rolle og eige fagleg og didaktisk ståstad
- Lover og rammer for lærararbeid i kroppsøving
- Lover og forskrifter for ferdsel og opphold i naturen
- Val av mål, innhald, arbeidsmåtar og vurderingsformer
- Ulike metodar i kroppsøving med tanke på oppdragelse.

### **Kropp, trening og helse**

#### Kropp, trening og helse II (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Kropp, trening og helse II sjå rammeplan s.92- 93

I arbeidet med å nå måla i Kropp, trening og helse vil fokus vere retta mot studie knytta til fylgjande delemne:

DELEMNE sjå Kropp, trening og helse II i fagplanen for Kroppsøving2

### **Kropp, kultur og samfunn**

#### Kropp, kultur og samfunn III (felles for alle Kroppsøving 4 studentar)

Mål for målområdet Kropp, kultur og samfunn III sjå rammeplan s.96

DELEMNE

- Hovudtrekk i idrettens, dansens og friluftslivets kulturhistorie og organisering i det norske samfunnet
- Endringar i borns og unges oppvekstvilkår med vekt på idrettens, dansens og friluftslivets plass og betydning for livsutfalding og identitetsutfalding
- Likskapar og ulikskapar mellom kroppsøving, fysisk fostring og barne- og ungdomsidrett før og no
- Likskapar og ulikskapar ved leik, idrett, dans og friluftsliv som sosiale og kulturelle fenomen

### **Fordjupningseining. (bare for studentar som har gjennomført Kroppsøving1)**

Mål for målområdet Utviklingsarbeid og fagleg fordjuping sjå rammeplan s.94

DELEMNE sjå Fordjupningseining i fagplanen for Kroppsøving2

## **ORGANISERING OG UNDERVISNINGSFORMER**

Studentane skal tileigne seg generell og spesiell teoretisk kunnskap i praktisk ferdigheit og innsikt i forhold til ulike typar fysisk aktivitet. Ein vil variere mellom klasseromsundervisning, gruppearbeid, sjølvstudium, ekskursjonar, aktivitetar i nærmiljø/ symjehall/gymsal der ein gjer bruk av ulike undervisningsmetodar og arbeidsformer. Kroppsøving krev varierte arbeidsformer som m.a. studentaktive - og tverrfaglege arbeidsformer og pedagogisk bruk av IKT. Praktisk-metodisk innføring i ulike emne krev aktiv deltaking frå studentane. Studentane vil få trening i å planleggje, tilrettleggje og gjennomføre praktisk lærararbeid i kroppsøving. Teoriundervisninga vil til vanleg gå føre seg i samla gruppe, medan det ellers vil vere vanleg med grupper på inntil 20 studentar. Førelingar vil bli brukt på to måtar; som oversiktsføreling eller som ressursføreling der studentane ber om ei føreling innanfor eit bestemt emne.

Rettleiing skal supplere studentane sitt eige arbeid og er såleis eit viktig ledd i studentane si utvikling av eit reflektert forhold til fagstoffet og lærarrolla.

Eigentrening av idrettslege ferdigheiter vil kunne gje studentane større innsikt i faktorar som påverkar læring av motoriske ferdigheiter, samt gje føresetnadar for å kunne presentere eit godt øvingsbilete.

Informasjonsteknologi kan vere ein reiskap i kroppsøvingfaget for eksempel i samband med informasjonssøking, arrangement og testing.

### ***Tilpassa opplæring i skuleverket***

Tilpassa opplæring er den grunnleggjande måten skulen skal drive opplæring på. Studentane må difor tileigne seg kunnskap og innsikt i nokre av dei utfordringane ein som kroppsøvingslærer vil møte for å kunne tilby **alle** elevar ei opplæring som tek utgangspunkt i den einskilde elev sin bakgrunn, føresetnader og behov.

Tilpassa opplæring i skuleverket er ikkje eit klart avgrensa emne, men inngår som ein naturleg del i alle målområder.

Praktisk røynsle i arbeid med born og unge med særlege behov vert gjeve i samband med praksisarbeidet i Kurs- og vinteraktivitetsveka på Bjorli

### ***Fagteori (felles for alle Kroppsøving4 studentar)***

Fagteorien er knytt til kvart av dei praktisk-metodiske emna (ikkje friluftsliv) og skal gje kunnskap om metodikk, rørsler, øvingar, regelverk og sikringsrutinar.

Det vert ikkje gitt spesiell undervisning i fagteori, men den vil bli belyst i timane med praktisk-metodisk innhald.

Ved utleverte arbeidsoppgåver i kvart av dei praktisk-metodiske emna skal studentane dokumentere kunnskap i fagteori. Arbeidsoppgåvene vert levert inn etter avslutninga av kvart praktisk - metodisk emne (frist for innlevering av kvar arbeidsoppgåve vert avgjort av faglærer) og vurdert til godkjent/ikkje godkjent av faglærer.

Arbeidsoppgåvene for alle praktisk-metodiske emne må vere godkjent før ein kan få studiet godkjent.

### ***Emnepraksisprøve (felles for alle Kroppsøving4 studentar)***

For kvar student er opplegget; førebuing, gjennomføring og eigenvurdering av 2 undervisningsopplegg og samtale med faglærarane. Oppgåvene vert gitt av faglærer.

Emnepraksisprøver vert gjennomført som studentleidd undervisning i dei praktiske emna: Studentane skal ha førrettleiing. Førebuingsarbeidet skal vere skriftleg med plan over korleis timen skal gjennomførast, hjelpeøvingar m.m. Denne emnepraksisen skal gjennomførast med medstudentar eller skuleelevar.

### ***Prosjektarbeid i treningslære og rørslelære.***

Studentane skal i grupper på 4 personar gjennomføre eit prosjektarbeid i treningslære og rørslelære som skal munne ut i ei skriftleg oppgåve. Den skriftlege oppgåva skal utformast etter vanlege reglar for skriftleg arbeid og innehalde:

- Fysiologiske, anatomiske, mekaniske og biomekaniske beskrivingar, analyser, forklaringar, grunngjevingar etc.

- Oppgåva skal seie noko om korleis utforme trening eller aktivitet for å auke den kvantitative (uthald, styrke, spenst etc.) og eller den kvalitative (teknikk etc.) kapasiteten på det aktuelle området og korleis måle (teste) desse.

Prosjektarbeidet er eit arbeidskrav og vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

### ***Mappe i Fagdidaktikk og Kropp, kultur og samfunn***

Studentane skal individuelt eller i grupper levere skriftelege svar på oppgåver som faglærer lagar. Desse skriftelege svara inngår i mappevurderinga. Det vil bli gitt 4 ulike oppgåver i løpet av arbeidet med målområda Fagdidaktikk og Kropp, kultur og samfunn. Oppgåvene kan ha praktisk omfang. To av oppgåvene blir trekt ut og gitt gradert karakter og vere grunnlag for munnleg eksamen i desse to målområda.

### ***Kurs og ekskursjonar***

Det meste av undervisninga vil føregå på HVO sine anlegg, baner, salar og symjehall.

### ***Orientering (felles for alle Kroppsøving4 studentar)***

Noko av undervisninga i orientering vil foregå så langt frå skulen at studentane må rekne med utgifter til skyss.

### ***Friluftsliv***

Undervisning i friluftsliv vil mellom anna bli gjennomført som fire kurs.

Friluftsliv I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

- Eit 2 dagers turopplegg om hausten med overnatting i telt. Studentane må rekne med kostnader til reise samt fråvær frå heimen inntil 2 dagar.

Friluftsliv II (felles for alle Kroppsøving4 studentar)

- Eit 3 dagers kurs i kystfriluftsliv om hausten med overnatting i telt. Studentane må regne med reiseutgifter samt fråvær frå heimen inntil 3 dagar.

Friluftsliv III (felles for alle Kroppsøving4 studentar)

- Eit 3 dagers kurs i snø /vinterfriluftsliv med overnatting. Studentane må rekne med reise- og opphaldsutgifter samt fråvær frå heimen inntil 3 dagar.

- Ein 2 dagers "topptur" på ski om våren Studentane må rekne med reiseutgifter samt fråvær frå heimen inntil 2 dagar

Gjennom studieåret skal studentane føre loggbok i samband med kvart kurs i friluftsliv.

Loggboka skal innehalde både opplevingar, faglege tema og eigenvurderingar.

Etter kvart kurs skal det på grunnlag av loggbøkene utarbeidast ein grupperapport på 7 - 10 maskinskrivne sider.

Grupperapporten skal innehalde:

- 6 Ei generell beskriving av planleggjing og gjennomføring av kurset
- 7 Oppsummering og vurdering av faglege tema ein har arbeidd med under kurset
- 8 Synspunkt og vurderingar kring regelverk og lovverk (mellom anna Lov om friluftslivet)
- 9 Stemningar og opplevingar ein vil hugse lenge
- 10 Dei viktigaste tinga ein har lært i samband med kurset

Grupperapporten skal leverast til avtalt tid etter kvart kurs, og vil bli vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

Snø- og skiaktivitetar (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Undervisninga vert organisert slik:

Ei veke lagt til Bjorli. Denne veka inneheld dei fleste element frå kurset "Barn og snø"

(Sjå "**Barn og snø**" i fagplana for Kroppsøving1) og ski-aktivitetar under Idrett III

Studentane må rekne med kostnader til reise, opphald og heiskort samt fråvær frå heimen inntil 5 dagar.

Det kan verte ski-undervisning i nærmiljøet utanom denne veka.

Snø- og skiaktivitetar (for studentar som har gjennomført Kroppsøving1)

Undervisninga vert organisert slik:

Ei veke lagt til Bjorli der ein gjennomfører " ski-aktivitetar" under Idrett III

Studentane må rekne med kostnader til reise, opphald og heiskort samt fråvær frå heimen inntil 5 dagar.

Det kan verte ski-undervisning i nærmiljøet utanom denne veka.

Sansomotorikk I og leik I (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Observasjonsoppgåver

Hautsemesteret set vi at tid til å jobbe med observasjon av leikeplassar -og av småskuleborn i aktivitet.

*Observasjon av leikeplass.*

Studentane skal i grupper observere og analysere leikeplassar i Volda og/eller Ørsta kommune etter gitte kriterier.

Ekskursjonen er obligatorisk.

*Observasjon av småskuleborn.*

Småskuleborn kjem til å verte trekte inn i den praktiske undervisninga i samband med øving i observasjon av sansomotorikk. Dette for at studentane skal få praksisretta øving i undervisning og observasjon. Obligatorisk deltakelse.

Observasjonsoppgåvene skal følges opp med etterarbeid og munnleg presentasjon for resten av klassa.

Presentasjonen er obligatorisk. Vi opnar her for bruk av IKT, video, drama m.m. ved framføring. Faglærer vil kunngjere kriterier og arbeidskrav.

### **Praksisarbeid (felles for alle Kroppsøving4 studentar)**

Praksis blir gjennomført etter gjeldande plan for praksis i almennlærerutdanninga 4. studieår.

"Praktisk lærararbeid. 4. årsstudentar" og "Fag- og vidareutdanning. Praktisk lærararbeid" s. i Studiehandboka 2002-2003 .

#### Praksisarbeidet vil omfatte:

1. Praktisk lærararbeid, gjennomført som eit prosjekt. Studentane skal vere med å planleggje og undervise born og unge med særlege behov i samband med Kurs og vinteraktivitetsveka på Bjorli vinteren 2003.

Omfanget av denne praksisen vil vere ca.20t medrekna planlegging/samtale med lærar/rettleiar.

Obligatorisk deltaking. Studentane må rekne med kostnader til reise/oppald i samband med denne praksisen, samt fråvær frå heimen i inntil 5 dagar.

Dokumentasjon av denne praksisen.

Kvar student skal utarbeide ein individuell praksisrapport som skal innehalde alt utdelt materiell, planlegging, gjennomføring og evaluering. Denne praksisrapporten er eit arbeidskrav og må vere godkjent for å få godkjent praksis.

2. Praktisk lærararbeid, undervisning i kroppsøving ved grunnskular, vidaregåande skular osv. Omfanget av denne praksisen vil vere ca.20t medrekna planlegging/samtale med lærar/rettleiar. Praksiskontoret organiserer denne praksisen.

### **Materialavgift (felles for alle Kroppsøving4 studentar)**

Studentane må betale ei materialavgift på kr. 250 for å dekkje forbruksmateriell i studieåret.

## **VURDERING**

### **Frammøte (felles for alle Kroppsøving4 studentar)**

Det vert vist til "**Reglement for studentframmøte ved Høgskulen i Volda**" vedteke 18.04.96.

All undervisning i praktisk metodiske emne og teoritimar knytt til førebuing av kurs og ekskursjonar er obligatorisk. Eventuelle andre obligatoriske teoritimar vert oppgitt av faglærar.

Krav til godkjent frammøte i kvart praktisk metodisk emne er 80% aktiv deltaking.

Det er obligatorisk frammøte til kvart kurs, kvar ekskursjon og praksis.

### **Praksisarbeid (felles for alle Kroppsøving4 studentar)**

Praktisk lærararbeid i samband med Kurs og Vinteraktivitetsveka vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent, dette inneber at både studenten sin praktiske undervisning og rapport må vere godkjent.

Praktisk lærararbeid, undervisning i skule vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

### **Praktisk aktivitet (felles for alle Kroppsøving4 studentar)**

Undervegsvurdering av studenten i dei praktiske aktivitetane vert gjort på bakgrunn av prestasjonar, øvingsbilete, initiativ, deltaking og medansvar. Vurderinga her vil vere godkjent/ikkje godkjent.

### **Abeidskrav/prøver**

#### Prøver (felles for alle Kroppsøving4 studentar)

Dei to prøvene i emnepraksis vert vurdert til godkjent/ikkje godkjent. Ved ikkje godkjent på ei eller begge to av desse prøvene skal studenten/studentane gjennomføre ei eller to nye prøver. Desse prøvene må vere godkjent før ein kan gjennomføre den praktisk ferdigheitseksamen.

4 timars individuell skriftleg prøve i "Kropp, trening og helse" II .

#### Prøver (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Alle studentar **må** bestå prøva i livredning og hjerte-lungeredning for å kunne gå opp til eksamen. (jfr. rammeplana s. 98)

Konkrete krav til denne prøva vert gjort greie for ved studiestart

### Arbeidskrav ( for studentar som har gjennomført Kroppsøving1)

Arbeidsoppgåvene i kvart praktisk - metodisk emne må vere vurdert til godkjent.  
Grupperapportane etter kurs i Friluftsliv II og III må vere vurdert til godkjent.  
Godkjent frammøte, godkjent resultat på alle pålagde oppgåver i studieåret og tilfredstillande deltaking i alle obligatoriske studiedelar.  
Godkjent praktisk aktivitet  
Godkjent prosjektarbeid i treningslære og rørslelære.

### Arbeidskrav (for studentar som ikkje har gjennomført Kroppsøving1)

Arbeidsoppgåvene i kvart praktisk - metodisk emne må vere vurdert til godkjent.  
Grupperapporten etter kurs i Friluftsliv I, II og III må vere vurdert til godkjent.  
Godkjent frammøte, godkjent resultat på alle pålagde oppgåver i studieåret og tilfredstillande deltaking i alle obligatoriske studiedelar.  
Godkjent praktisk aktivitet  
Godkjent prosjektarbeid i treningslære og rørslelære.

### **Vilkår for å kunne gå opp til eksamen:**

Alt dette må vere godkjent før du kan gå opp til individuell eksamen i dugleik;  
Frammøte, prøve i livredning og hjarte- og lungeredning, praksisarbeid, praktisk aktivitet, forprøver og arbeidskrav.  
Prosjektarbeidet i trenings- og rørslelære må vere godkjent før du kan gå opp til eksamen i trenings- og rørslelære.

### **Eksamen**

#### *Eksamen (for dei studentane som ikkje har gjennomført Kroppsøving 1)*

- 5 dagars skriftleg eksamen (gruppe) i trenings- og rørslelære, med individuell munnleg justering. 20%
- Vurdering av framlagt mappe i "Kropp, kultur og samfunn" og " Fagdidaktikk", med ei individuell munnleg justering, der kandidaten også vert prøvd i pensum. 30%
- Individuell eksamen i dugleik, der karakteren vert gitt med grunnlag i ei samla vurdering av 3 prøver. 30%
- Mappeeksamen i leik, sansemotorikk og fagdidaktikk I 20%

For at kandidatane skal få godkjent studiet må kvar av eksamenane vere greidd.

Ved eventuell klage over sensuren av gruppeoppgåva i trenings- og rørslelære må alle studentane på gruppa vere med på (dvs. ha signert) klagen.

#### *Eksamen (for dei studentane som har gjennomført Kroppsøving 1)*

- 5 dagars skriftleg eksamen (gruppe) i trenings- og rørslelære, med individuell munnleg justering. 20%
- Vurdering av framlagt mappe i "Kropp, kultur og samfunn" og " Fagdidaktikk", med ei individuell munnleg justering, der kandidaten også vert prøvd i pensum. 30%
- Individuell eksamen i dugleik, der karakteren vert gitt med grunnlag i ei samla vurdering av 3 prøver. 30%
- Den skriftlege rapporten i Fordjupingseininga 20%

For at kandidatane skal få godkjent studiet må kvar av eksamenane vere greidd.

Ved eventuell klage over sensuren av gruppeoppgåva i trenings- og rørslelære må alle studentane på gruppa vere med på (dvs. ha signert) klagen.

#### *For begge gruppene:*

Ved kontinuasjon i gruppeeksamenen i trenings- og rørslelære vert det skipa til ein individuell 8-timars eksamen i staden for gruppeeksamenen.

### **Ny/utsett avsluttande vurdering**

Studentar som ikkje har nådd målet for studiet ved ordinær avsluttande vurdering eller som har hatt gyldig forfall ved pålagde oppgåver, kan få ny eller utsett vurdering etter reglar fastsett av høgskulen.

Studentar som ikkje får studieeininga godkjent pga. manglande frammøte til obligatoriske delar, må ta opp att heile studieeininga eller delar av denne slik høgskulen bestemmer.

Dersom ein student ikkje tilfredsstiller krava for å få studiet godkjent fastset høgskulen det arbeids- og studieprogrammet som studenten må gjennomføre før denne kan få studiet godkjent.

### **Studieevaluering og fagkritisk arbeid**

Studieevaluering og fagkritisk arbeid vert gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner godkjende ved Høgskulen i Volda. Sjå fellesinformasjon.

Det vert oppnemnt eit fagutval som skal vurdere studiet sitt faginnhald, organisering, arbeidsformer og vurderingsordningar. Fagutvalet skal delta i studiekvalitetsvurderingar og medverke i den årlege revisjonen av fagplana.

## **PENSUM**

Det vert levert ut arbeidsplaner med fullstendige pensum-/litteraturlister til kvart emne.

Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------





- [KUNST OG HANDVERK 2, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. FAGDIDAKTIKK](#)
    - [2. KUNST OG FORMKULTUR](#)
    - [3. BILETE](#)
    - [4. SKULPTUR](#)
    - [5. BRUKSFORM](#)
    - [FORDJUPING 15 studiepoeng](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING](#)
    - [Eksamen](#)
  - [LITTERATUR](#)

## KUNST OG HANDVERK 2, 30 STUDIEPOENG

Planen er byggjer på Rammeplan for lærarutdanning 1999.

### INNLEIING

Kunst og handverk er eit estetisk fag. Mennesket sitt skapande arbeid i kunst, arkitektur, design, handverk og kunsthandverk til ulike tider og i ulike kulturar er grunnlaget. Utøvande og skapande arbeid står sentralt i faget.

I denne studieeininga er kunst og formkultur skild ut som eige fagområde, og der arkitektur er inkludert. Kulturarvdimensjonen er ein grunnleggjande del av faget. Nordvestlandets kunst, arkitektur og design vert særleg fokusert på. Jugendbyen Ålesund og målarar som Ørnulf Opdahl og grafikaren Per Kleiva.

Studiet har arbeidsprosessar som utfordrar på ulike måtar. I hovudsak handlar det om å møte, oppleve, uttrykke, reflektere og forstå. Skapande arbeid, kulturstoffet og den didaktiske komponenten må sjåast i samanheng.

Kunst og handverk 2 kan veljast både av studentar som har fullført Kunst og handverk 1 og studentar som ikkje har tatt den studieeininga. Studentar som har fullført Kunst og handverk 1 skal gjennomføre ei fordjupingseining på 15 studiepoeng. Denne er omtala under overskrifta Kunst og handverk 2, Fordjuping. Alle andre studentar startar med kunst og handverk 1.

Studiet skal kvalifisere studentane til å undervise på alle trinn i grunnskulen. Studiet kan takast parallelt med Kunst og handverk 3.

Når studiet inngår som del av 4. studieår i lærarutdanninga, skal ein i tillegg fokusere på internasjonale perspektiv.

I følgje Rammeplanen har faget 8 felles mål (Rammeplanen:101)

### INNHALD

Studiet har fem obligatoriske hovudemne:

1. Fagdidaktikk
2. Kunst og formkultur
3. Bilete

4. Skulptur
5. Bruksform.

Studieeininga har eit differensiert løp for studentane. Studentar som ikkje har Kunst og handverk 1, skal ha det pensumet i tillegg. Dette er merka med tre stjerner ved dei aktuelle målområda i Rammeplanen.

## 1. FAGDIDAKTIKK

Fagdidaktikken er det gjennomgåande og overbyggjande i studiet. Med bakgrunn i Rammeplanen skal studentane tileigne seg kunnskap om historie, ide, innhald og metodar i faget. Auke forståinga for faget og den plass det har i skulen, og for den betydning faget har for barn og unge si utvikling. Faget skal gi innsikt i læreplanarbeid, korleis leggje til rette for undervisning for barn og unge med spesielle evner eller vanskar, og i tillegg ta høgde for ei kulturell og sosial tilpassing i læringsmiljøa.

Det vil bli undervist i teoretiske emne, i tillegg vil didaktikken i stor grad verte teken opp i samband med undervisninga i dei andre målområda, både i innføringar, samtalar og rettleiing undervegs i arbeidsprosessane og til slutt i presentasjonar og vurderingar. Av emne vi skal fokusere nærare på kan nemnast:

- Planlegge, gjennomføre og reflektere over eigne prosessar og praksis.
- Skapande prosessar og kreativitetsteori
- Læreplanforståing, implementering og lokale planar
- IKT- baserte læringsformer
- Enkle metodar for å gjennomføre eit mindre fagdidaktisk prosjekt knytt til praksis, t.d. observasjon.
- -Tilpassa opplæring

Studentar som ikkje har tatt Kunst og handverk 1, skal i tillegg arbeide med det. Sjå målområda i Rammeplanen.

## 2. KUNST OG FORMKULTUR

Målområdet omfattar studie av kunst og formkultur som grunnlag for å oppleve og forstå ulike tidars og kulturars uttrykksformer. Skal danne utgangspunkt, inspirasjon og referanse for eige skapande arbeid og for undervisning. Studentane skal kunne:

- Gjere greie for hovudretningar innan norsk og europeisk kunst, arkitektur og stilhistorie frå renessansen til i dag og i noko grad sette enkelte verk inn i ein kunsthistorisk samanheng
- Gjere greie for eksempel på samisk kunst og kunst frå ulike kulturar.
- Bruke enkel billedanalyse, funksjonsanalyse og kommunikasjonsteori i møte med ulike to- og tredimensjonale uttrykk og genre.

## 3. BILETE

Målområdet omfattar utforsking av biletet som estetisk og visuelt uttrykk og kommunikasjon med vekt på skaping av egne biletuttrykk. Bruk av kunstbilete

- Kunnskap om dei formale sidene ved bilete gjennom utprøving av estetiske element og funksjonar
- Grundig kunnskap i fargebruk og ulike farge teoriar
- Arbeide med ulike biletuttrykk, materiale og teknikkar som akvarell- og akrylmaling
- Arbeide med svart/kvitt uttrykk og grafiske teknikkar som linosnitt og tresnitt
- Bruke Adobe Photoshop bilethandsamingsprogram til eigne biletuttrykk, bruke skanner og digitalt fotoapparat.
- Vise dugleik, innsikt og kunnskap m.o.t. material-, verktøy- og teknikkbruk
- Arbeide med formidling, utstilling og kommunikasjon, t.d. massemediebilete

## 4. SKULPTUR

Målområdet omfattar utforsking av skulptur som estetisk, visuelt, taktilt og kommunikativt medium med vekt på framstilling av ulike tredimensjonale uttrykk som skulptur, relieff og installasjon.

- Arbeide med skulptur med ulike utgangspunkt, som ein idé, eit tema, ein funksjon eller materialkvalitetar
- Materiale og teknikk, utprøving i ulike materiale som tre, leire, papir m.m. Taktile kvalitetar
- Estetiske element og funksjonar i 3D uttrykk
- Farge på form, korleis verkar fargen inn på forma
- Handverksmessig dugleik og innsikt i bruk av verktøy og utstyr

- Om skulpturens verknadsrom, korleis skulpturen fungerer i forhold til det rommet og den staden den er plassert i

## 5. BRUKSFORM

Bruksform omfattar arbeid med problemstillingar knytt til design og estetikk og skaping av gjenstandar som primært skal dekke praktiske behov. Vi legg vekt på både det estetiske og det funksjonelle aspektet. Det er viktig å skape forståing for den estetiske samanhengen mellom form, konstruksjon, dekor og materialval. Evna til problemløysing og kreativitet e sentralt.

- Planlegge, formgi, utføre og vurdere eigne arbeider og reflektere over arbeidsprosessen
- Anvende grunnleggjande omgrep innafor form, farge, dekor, tekstur og taktilitet
- Bruke høvelege materiale og teknikkar i arbeid med ulike bruksformer

Studentane skal i dette målområdet arbeide med tekstile teknikkar og materiale, tre- teknikkar og material og leire-teknikkar og materiale.

Alle materialområda tek i tillegg føre seg materiallære, ressursbruk og miljøfaktorar.

## FORDJUPING 15 studiepoeng

Fordjupingsdelen er for studentar som har gjennomført Kunst og handverk 1 i grunnutdanninga. Fordjupingsarbeidet skal ha eit omfang på 15 studiepoeng. Arbeidet kan utførast i samarbeid med ein institusjon, kunstnar, handverkar eller formidlar i nærmiljøet t.d. skule, kulturskule, museum, galleri eller anna. Studentane skal fordjupe seg i eit sentralt fagleg område. Skapande arbeid i materiala skal knytast opp mot kulturens uttrykksformer eller teoretisk kunnskap.

Studentane skal arbeide med:

- Eit avgrensa fagleg område og kunne dokumentere kunnskap, dugleik og innsikt i dette området
- Planlegge, gjennomføre og vurdere eigenutvikling
- Kunstnarisk uttrykk, materialkunnskap i skapande/utforskande prosess
- Mappe/loggdokumentasjon med vekt på det estetiske

Fordjupinga skal i hovudsak vere praktisk skapande arbeid. I tillegg skal den ha ein skriftleg rapport som viser analytiske og systematiske arbeidsformer, teori og refleksjon. Fordjupinga skal presenterast i form av ei utstilling, video, digitale uttrykk eller liknande, samt ei munnleg framlegging der studenten viser både fagleg og didaktisk innsikt med utgangspunkt i problemfeltet.

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Studiet er organisert i tre modular. Alle modulane inneheld skapande arbeid, kunst- og formkultur og fagdidaktikk.

Modul A (15 studiepoeng): Grunnmodul, tilsvarande KH1 (sjå eigen fagplan)

Modul B (7,5 studiepoeng): Skapande arbeid i leire med kunst, formkultur og fagdidaktikk som integrert del

Modul C (7,5 studiepoeng): Skapande arbeid i teikning og maling med kunst, formkultur og fagdidaktikk som integrert del

Teoriundervisinga vil i hovudsak vere fellesførelingar, og til ei kvar tid knytt opp mot aktuelle emne i det skapande arbeidet. Undervisinga i den praktisk skapande delen vil føregå i verkstadane i mindre grupper eller individuelt. Her er rettleiing frå faglærar og studentstyrte læringsformer sentrale (medlæring).

Studentar som har Kunst og handverk 1 skal ha ei fagleg fordjuping. I fordjupinga arbeider studentane relativt sjølvstendig med eit sjølvvald sentralt fagleg område. Studenten har obligatorisk rettleiing med faglærar. Desse studentane vil arbeide med fordjuping medan resten av studentane har grunnleggjande fagstoff frå Kunst og handverk 1.

Det differensierte løpet for studentane går parallelt i haustsemestret. Etter jul har alle studentane felles undervising og oppgåver i modul B og C

I tillegg til den organiserte undervisinga, vert det forventa ein like stor arbeidsinnsats gjennom sjølvstudium. Dette

sjølvstudiet er ei naturleg forlenging av aktuelle problemstillingar/oppgåver i undervisninga. Eksperimentering, utforsking og refleksjon er sentrale stikkord.

Det praktiske arbeidet er individuelt arbeid. Arbeidsprosessane skal dokumenterast gjennom bruk av visuell logg. Refleksjon rundt eige arbeid står sentralt.

Studentane skal gjennom året utforme utstillingar og presentasjonar av eige arbeid, kunst- og kulturstoff eller prosjekt. Dette mellom anna for å ivareta formidlingsaspektet i faget.

### ***Bruk av IKT***

IKT er ein integrert del av studiet, både som sjølvstendig skapande medium innafor biletområdet og som dokumentasjon og understøtting i læringsprosessane generelt. Vi bruker Classfronter som kommunikasjonsverktøy og Adobe photoshop i biletundervisninga.

Studentane skal styrke sin kunst- og kulturhistoriske kunnskap og bruke den til inspirasjon og referanse i eige skapande arbeid. I studiet ver det lagt opp til fleire mindre ekskursjonar knytt til lokal og nasjonal kulturarv. Vi vil m.a. studere den typiske jugendarkitekturen i Ålesund og vi reiser til Oslo for å gå i musèer og på galleri.

### ***Praksis***

Å ha tett kontakt med praksisfeltet er ein viktig del av studiet. Denne studieeininga skal ha praksis i IKT- relaterte læringsformer innafor Kunst og handverk. Vi samarbeider med ein ungdomsskule om eit prosjekt der biletprogrammet Adobe photoshop er temaet. Studentane skal i tillegg planlegge og gjennomføre eit mindre individuelt fagdidaktisk prosjekt relatert til praksisen der tilpassa opplæring er temaet. Sjå under målområde for fagdidaktikk.

For studentar som tar Fordjupingseininga 15 stp, skal praksisen knytast til den.

### ***Materialpengar***

Av praktiske grunnar vert gjort ein del felles innkjøp av materiale. Studentar som går Modul A, grunnmodul må betale eit fastsett beløp, for 2002/2003 er dette kr 1000,- Dette vil dekke utgifter til utprøving innafor dei ulike verkstadane. Teikne og malesaker må studenten halde sjølv.

Studentar som går Modul A Fordjuping betaler kr 800,- til fellesutgiftene. I tillegg betalar studenten egne materialutgifter til fordjupingsoppgåva.

### ***Studieevaluering***

Det vil bli danna eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantane saman med fagansvarleg lærar kontinuerleg evaluerar kurset. Gruppa skal ha jamlege møte og der læringsmiljø, gjennomføring, vektlegging og faginnhald blir vurdert.

## **VURDERING**

Gjennom studiet skal det vere både ei formell og ei uformell vurdering. Den uformelle vurderinga er ein viktig del av studentane sin læreprosess og den vert integrert i undervisninga i dei ulike fagområda. Studentane skal òg utvikle evne til å vurdere eige arbeid og arbeidsprosess.

Kvar av dei tre modulane vert avslutta med ei formell vurdering (arbeidsbok, utstillingar, framlegging av mapper, munnleg framlegging, individuell skriftleg oppgåve) der intern og/eller ekstern sensur vil fastsetje karakterar.

Gjennom dette skal studentane dokumentere kunnskap og innsikt i faglege og didaktiske emne.

Vilkår for gjennomført studium:

- Godkjent frammøte etter gjeldande reglar
- Godkjent praksis
- Alle oppgåver skal vere utførte i studiet og levert til avtalt tid

## **Eksamen**

Eksamen er ulik for dei som ikkje har gjennomført Kunst og handverk 1, og dei som har denne eininga.

### ***Eksamen for studentar som ikkje har Kunst og handverk 1***

Den endelege karakteren i faget vert fastsett på grunnlag av følgjande komponentar:

- Modul A 15 studiepoeng: Mappevurdering/utstilling av utvalde skapande arbeid frå ulike materialområder/kunst og formkultur og fagdidaktikk
- Modul B 7,5 studiepoeng: Mappevurdering/utstilling av skapande arbeid i leire med kunst, formkultur og fagdidaktikk som integrert del
- Modul C 7,5 studiepoeng: Mappevurdering/utstilling av skapande arbeid i teikning og maling med kunst, formkultur og fagdidaktikk som integrert del

Modul A tel 50%, modul B og C tel 25% kvar av den endelege karakteren. For å få godkjent Kunst og Handverk 2 (studiepoeng-utteljing) må alle komponentane vere godkjent.

### **Eksamen for studentar som har Kunst og handverk 1**

- Modul A: KH2 Fordjuping 15 studiepoeng: Mappevurdering/utstilling av skapande arbeid/kunst og formkultur/fagdidaktikk med munnleg eksamen. Tema for fordjupingseininga skal skrivast på vitnemålet.
- Modul B 7,5 studiepoeng: Mappevurdering/utstilling av skapande arbeid i leire med kunst, formkultur og fagdidaktikk som integrert del
- Modul C 7,5 studiepoeng: : Mappevurdering/utstilling av skapande arbeid i teikning og maling med kunst, formkultur og fagdidaktikk som integrert del

Modul A tel 50%, modul B og C tel 25% kvar av den endelege karakteren. For å få godkjent Kunst og Handverk 2 (studiepoeng-utteljing) må alle komponentane vere godkjent.

Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

### **LITTERATUR**

- Bratteli Moen, Ingunn 1997. *Formgiving -Tegning, form farge*, Yrkesopplæring ANS ISBN 82-585-0964-0
- Danbolt, Gunnar 1996. *Biletspor 1*, Tell forlag. ISBN 82-7522-063-7
- Danbolt, Gunnar 1996. *Biletspor 2*, Tell forlag. ISBN 82-7522-133-1
- Håberg, Kirsten Røvig 1997. *Kunst og kulturhistorie*, Yrkesopplæring ANS ISBN 82-585-1017-7
- Haabesland, A og Vavik 2000. *Kunst -og handverk- hva og hvorfor*, Fagbokforlaget ISBN 82-7674-648-9
- Timenes, Kjersti 1997. *Tekstil -teknikker og oppgaver*, Høgskoleforlaget
- Læreplan for den 10 årige grunnskulen (L97) KUF 1997
- Vi tek atterhald om endringar i litteraturlista.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [KUNST OG HANDVERK 3, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1.FAGDIDAKTIKK](#)
    - [2. KUNST OG FORMKULTUR](#)
    - [3.BILETE](#)
    - [4. ARKITEKTUR](#)
    - [5. BRUKSFORM](#)
    - [Kunst og handverk 3 fordjuping, 9 studiepoeng](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING](#)
    - [EKSAMEN](#)
  - [LITTERATUR](#)

## KUNST OG HANDVERK 3, 30 STUDIEPOENG

Fagplanen byggjer på Rammeplan for 4-årig lærarutdanning, 1999.

Kunst og handverk 3 er bygd på Kunst og handverk 2. Studiet kan gå inn som 4. år i lærarutdanninga eller som fagstudium i etter- og vidareutdanning. Studiet er organisert i tre modular, kvar av desse på 15, 6 og 9 studiepoeng. Studiet skal kvalifisere studentane til å ta vare på og utvikle faget i grunnskulen.

### INNLEIING

Kunst og handverk er eit estetisk fag. Mennesket sitt skapande arbeid i kunst, arkitektur, design, handverk og kunsthandverk til ulike tider og i ulike kulturar er grunnlaget. Utøvande og skapande arbeid står sentralt i faget. I denne studieeininga er kunst og formkultur skilt ut som eige fagområde, og i tillegg til kunst og arkitektur er det fokusert på design. Vi skal sjå på designarar som er knytt til møbelindustrien på Sunnmøre som Peter Opsvik og Svein Dysthe. I tillegg sjå på design dei siste hundre åra både i Noreg og i Europa. Art Nouveau og jugendbyen Ålesund vil vere ein naturleg innfallsvinkel til delar av dette stoffet.

Både biletanalyse, funksjonsanalyse og problematisering omkring estetikk vil stå på dagsordenen. Vi skal arbeide både med trivialkultur og andre samtidsuttrykk.

Studiet har arbeidsprosessar som utfordrar på ulike måtar. I hovudsak handlar det om å møte, oppleve, uttrykke, reflektere og forstå. Skapande arbeid, kulturstoffet og den didaktiske komponenten må sjåast i samanheng.

Progresjon er både som fordjuping og som utviding av kompetanse.

Felles mål for faget, sjå Rammeplanen side 101. Når studiet inngår som 4. år i lærarutdanninga, skal ein i tillegg fokusere på internasjonale perspektiv.

Studiet kan takast parallelt med Kunst og handverk 2

### INNHALD

Studiet har fem obligatoriske hovudemne:

1. Fagdidaktikk
2. Kunst og formkultur
3. Bilete

- 4. Arkitektur
- 5. Bruksform

## 1.FAGDIDAKTIKK

Fagdidaktikken er gjennomgåande i heile studiet. Den skal skape forståing for verdien og det særeigne ved faget. Det vil bli undervist i ein del teoretiske emne, i tillegg vil didaktikken i stor grad bli tatt opp i samband med undervisninga i dei andre målområda, både i innføringar, samtalar og rettleiing undervegs i arbeidsprosessane og til slutt i presentasjonar og vurderingar.

Av emne vi skal fokusere nærare på kan nemnast:

- Nye læringsformer og multimediedidaktikk
- Forming som forskingsområde
- Fagdidaktisk prosjekt knytt til praksis, innhald og metode
- Tilpassa opplæring fagleg, kulturelt og sosialt
- Estetikk i nærmiljøet
- Vurdering av læremidlar, både bøker, digitale og visuelle

## 2. KUNST OG FORMKULTUR

Arbeid med kulturens uttrykksformer er viktig både som kjelde til kunnskap og som inspirasjon til eige arbeid. Kunst og formkultur skal integrerast i alt arbeidet i faget.

- Vi fokuserar på kunstformidling for barn og unge i skule og galleri. Korleis bruke ulike kunstuttrykk som impuls og inspirasjon i skapande prosessar. I eit samarbeid med Volda kunstlag skal vi lage utstilling og utarbeide didaktiske opplegg i formidling av kunstuttrykk. Grunnskulane i Volda får høve til å delta i dette. Det er viktig at studentane får øve seg i å formidle og presentere faglig stoff og materiale på ein klar, estetisk og didaktisk måte.

I tillegg skal studentane kunne:

- Ha oversyn over hovudtrekk innan kunst frå antikken til renessansen og norsk mellomalderkunst. Og gjere greie for og samanlikne sentrale stiler og retningar, kunstnarar og verk frå norsk og vestlig kunst og design de siste 100 år med vekt på nyare uttrykksformer. I den grad det er råd, vil vi ha ei lokal tilpassing og innfallsvinkel til dette lærestoffet
- Analysere og vurdere uttrykk knytt til kvardagsestetikk og trivialkultur

## 3.BILETE

Målområdet omhandlar vidareutvikling av eigen biletkompetanse. Dette omfattar utvida erfaring med skaping av varierte biletuttrykk, utforskning av kjente eller nye teknikkar og materiale og biletet som estetisk og visuelt uttrykk og kommunikasjon. Visuell presentasjon og formidling skal ha stor plass.

- Frå idè til ferdig bilete
- Farge og komposisjon
- Variere eit motiv/ tema og arbeide med seriar, med parafrase av kunstbilete o.l.
- Få erfaring i ulike uttrykksmåtar og materiale
- Nytte eit utval av grafiske uttrykk som fotografi og metallgrafikk
- Bruke Adobe Photoshop til eige skapande arbeid
- Bruke skrift i eige uttrykk og til teksting i utstillingssamanheng.
- Arbeide med ulike former for animasjon. Vi har profesjonelle animatørar til å undervise i dette emnet.

## 4. ARKITEKTUR

Arkitektur er kunsten å skape stader. Vi har ulik arkitektur ut frå kva arkitekturen skal brukast til. Det er ein klar samanheng mellom handling og arkitektur. Medan arkitekturen før i tida var prega av byggeskikk og almenne stiltrekk, er arkitekturen i dag basert på friare samspel mellom føresetnadane.

Vi har kjenslemessige tilknytningar til ulike stader, kanskje spesielt der vi har vakse opp. Vi har opplevingar og inntrykk som er knytt til hus, gater, tun m.m.

Der er mange som ikkje ser, som ikkje er merksame på kva meining utforminga av våre bygder og byar har for våre liv. I dette emnet skal vi freiste å bli litt meir medviten om desse forholda. Vi skal m.a. ta utgangspunkt i arkitekturen på Sunnmøre, både by og land arkitekturen. I tillegg vil emnet handle om å:

- Registrere og presentere arkitektoniske tema med utgangspunkt i lokalmiljøet
- Vurdere funksjonelle og estetiske planløyningar i ulike inne- eller uterom
- Vurdere materialar og konstruksjon i et ressurs- og miljøperspektiv og samanhengen mellom busetnad og miljø
- Arbeide praktisk med 3-dimensjonale problemstillingar i ulike materiale. Vise eksemplar på korleis liner, flater, farger, lys og tekstur kan danne volum og rom med ulike uttrykk gjennom studiar og utprøvingar.

## 5. BRUKSFORM

I bruksform vert det lagt vekt på både funksjonell og estetisk form. Det er viktig å skape forståing for den estetiske samanhengen mellom form, konstruksjon, dekor og materialval. Evne til problemløysing og kreativitet står sentralt. Målområdet omfattar arbeid med problemstillingar knytt til eigne og andres bruksformer til personlig eller offentlig bruk. Vedlikehald, ressursbevaring og ressursutnytting er aktuelle aspekt. Studentane si framstilling av egne bruksformer med tilhøyrande refleksjon vert lagt vekt på.

Studentane skal kunne

- vise kreative løysingar på ei problemstilling ut frå behov og kontekst, utføre ein eller fleire egne bruksformer i eigna materiale og teknikkar, og dokumentere og vurdere prosess og produkt
- utnytte ressursar i form av naturmateriale eller gjenbruk av materiale
- bruke IKT-basert programvare innafor mønsterbygging og design, t.d. DesignaKnitt.

Materialområda innafor dette området er tre og tekstil.

## Kunst og handverk 3 fordjuping, 9 studiepoeng

Fordjupinga legg vekt på utforskande og praktisk skapande arbeid innan eit sjølvvald område. Utgangspunktet for arbeidet kan være eit tema, ei epoke eller eit kunstverk, eit målområde, eit eller fleire materiale, teknikk/utstyr, estetiske verkemidlar o.l. Eige skapande arbeid med referansemateriale skal knytast opp mot didaktisk refleksjon.

Studentane skal kunne

- fordjupe seg i ei fagleg problemstilling der ein ser eige skapande arbeid i forhold til kulturens uttrykksformer
- vise estetisk skjønn i bruk av estetiske verkemidlar og visuelle koder i ulike biletuttrykk, skulpturar, bruksformer eller arkitektur
- vurdere og utnytte materialas bruksegenskapar og estetiske uttrykkskvalitetar i egne arbeider
- vise kreativitet og dugleik i problemløysning og praktisk handling, og kunne bruke tradisjonsbundne verkemidlar, materialar og arbeidsmåtar, også på utradisjonelle måtar
- reflektere over samanhengen mellom eige arbeid, kulturens uttrykk og arbeid med barn eller unge.

Fordjupinga skal i hovudsak vere praktisk skapande arbeid. I tillegg skal den ha ein skriftleg rapport som viser analytiske og systematiske arbeidsformer, teori og refleksjon. Fordjupinga skal presenterast i form av ei utstilling eller liknande.

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Studiet er organisert i fem modular. Alle modulane inneheld skapande arbeid, kunst- og formkultur og fagdidaktikk:

Modul A (8 stp): Tekstilverkstad

Modul B (8 stp): Treverkstad

Modul C (2,5 stp): Grafiske teknikkar

Modul D (2,5 stp): Metallarbeid

Modul E (9 stp): Fordjuping/sjølvvald emne (sjå Rammeplan)

Teoriundervisinga vil i hovudsak vere fellesførelingar, og til ei kvar tid knytt opp mot aktuelle emne i det skapande arbeidet. Undervisinga i den praktisk skapande delen vil føregå i verkstadane i mindre grupper eller individuelt. Her er rettleiing frå faglærer og studentstyrte læringsformer sentrale (medlæring).

I tillegg til den organiserte undervisinga, vert det forventa ein like stor arbeidsinnsats gjennom sjølvstudium. Dette sjølvstudiet er ei naturleg forlenging av aktuelle problemstillingar/oppgåver i undervisinga. Eksperimentering, utforskning og refleksjon er sentrale stikkord. Det praktiske arbeidet er individuelt arbeid. Arbeidsprosessane skal



dokumenterast gjennom bruk av visuell logg. Refleksjon rundt eige arbeid står sentralt.

### ***Kunst og kulturformidling***

Studentane skal gjennom året utforme utstillingar og presentasjonar av eige arbeid , kunst- og kulturstoff eller prosjekt. Dette mellom anna for å ivareta formidlingsaspektet i faget.

### ***Bruk av IKT***

IKT er ein integrert del av studiet, både som sjølvstendig skapande medium innafor biletområdet og som dokumentasjon og understøtting i læringsprosessane generelt. Vi bruker Classfronter som kommunikasjonsverktøy og Adobe photoshop i biletundervisninga.

### ***Praksis***

Å ha tett kontakt med praksisfeltet er ein viktig del av studiet. Denne studieeininga skal ha praksis i IKT- relaterte læringsformer innafor Kunst og handverk. Vi samarbeider med ein ungdomsskule om eit prosjekt der biletprogrammet Adobe photoshop er temaet . Studentane skal i tillegg planlegge og gjennomføre eit mindre individuelt fagdidaktisk prosjekt relatert til praksisen der tilpassa opplæring er temaet. Sjå under målområde for fagdidaktikk.

### ***Materialpengar***

Av praktiske grunnar vert gjort ein del felles innkjøp av materiale. Kvar student må betale eit fastsett beløp, for 2002/2003 er dette kr 1000,- Dette vil dekke utgifter til utprøving innafor tre og tekstil. Materialutgiftene i Fordjupingseininga må studenten halde sjølv.

### ***Studieevaluering***

Det vil bli danna eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantane saman med fagansvarleg lærar kontinuerleg evaluerar kurset. Gruppa skal ha jamlege møte og der m.a. læringsmiljø, gjennomføring, vektlegging og faginnhald blir vurdert..

## **VURDERING**

Gjennom studiet skal det vere både ei formell og ei uformell vurdering. Den uformelle vurderinga er ein viktig del av studentane sin læreprosess og den vert integrert i undervisninga i dei ulike fagområda. Studentane skal òg utvikle evne til å vurdere eige arbeid og arbeidsprosess.

Kvar av dei fem modulane vert avslutta med ei formell vurdering (arbeidsbok, utstillingar, framlegging av mapper, munnleg framlegging, individuell skriftleg oppgåve) der intern og/eller ekstern sensur vil fastsetje karakterar. Gjennom dette skal studentane dokumentere kunnskap og innsikt i faglege og didaktiske emne.

### ***Vilkår for få gjennomført studium:***

- Godkjent frammøte etter gjeldande reglar
- Godkjent praksis
- Alle oppgåver skal vere utførte i studiet og levert til avtalt tid.

## **EKSAMEN**

Den endelege karakteren i faget vert fastsett på grunnlag av følgjande komponentar:

- Modul A (8 studiepoeng): Mappedeksamen/utstilling av skapande arbeid/kunst og formkultur/ fagdidaktikk i tekstil.
- Modul B (8 studiepoeng): Mappedeksamen/utstilling av skapande arbeid/kunst og formkultur/ fagdidaktikk i tre.
- Modul C (2,5 studiepoeng): Mappedeksamen/utstilling av skapande arbeid/kunst og formkultur/fagdidaktikk i grafiske teknikkar.
- Modul D (2,5 studiepoeng): Mappedeksamen/utstilling av skapande arbeid/kunst og formkultur/ fagdidaktikk i metallarbeid.
- Modul E (9 studiepoeng): Mappedeksamen/utstilling av skapande arbeid/kunst og formkultur/ fagdidaktikk innafor sjølvvald emne med munnleg eksamen. Tittelen på fordjupingseininga skal skrivast på vitnemålet.

For å få godkjent Kunst og Handverk 3 (studiepoeng-utteljing) må alle modulane vere godkjent. I samanslåing av endeleg karakter vert modulane vekta ifht. talet på studiepoeng.

## LITTERATUR

- Bratteli Moen, Ingunn 1999. *Komposisjon og eigenutvikling*, Yrkesopplæring ANS ISBN 82-585-1270-6  
Danbolt, Gunnar 1996. *Biletspor 1*, Tell forlag. ISBN 82-7522-063-7  
Danbolt, Gunnar 1996. *Biletspor 2*, Tell forlag. ISBN 82-7522-133-1  
Larsen, Steen 1998. *IT og nye læreprocesser*, Eget forlag ISBN 87-986696-0-5  
Gunnarsjaa, Arne 2001. *Arkitekturhistorie*. Abstrakt forlag ISBN 82-7935-019-5

I tillegg utvalde artiklar og kompendium frå faglærar.  
Vi tek atterhald om endringar i litteraturlista.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- 
- [MATEMATIKK 1, 30 STUDIEPOENG](#)
    - [Innleiing](#)
    - [Mål](#)
    - [Innhald](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUM](#)
- 

# MATEMATIKK 1, 30 STUDIEPOENG

## INNLEIING

### *Omfang*

Studieeininga gir 30 studiepoeng.

### *Målgruppe*

Studieeininga er obligatorisk i allmennlærerstudiet, og er lagt til første studieåret. Studieeininga vert også tilbode som fag- og vidareutdanning for lærarar som ikkje har matematikk i si grunn-utdanning.

### *Opptakskrav*

Studieeininga krev generell studiekompetanse.

Det er ein føresetnad at studentane beherskar matematikk på grunnskulenivå, eller ved ekstra innsats tileignar seg slik forkunnskap. Det vert gitt tilbod om forkurs til dei som treng hjelp til å tileigne seg viktige delar av grunnskulematematikken.

## MÅL

Rammeplanen gir fem målområde for studieeininga:

- Kunnskap i matematikk
- Didaktikk
- Matematikk som skapande og resonnerande verksemd
- Matematikk som reiskap og metode
- Matematikk i kultur og samfunn

Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av måla for studieeininga.

## INNHALD

Innhaldet i studieeininga femner om dei fem målområda som er nemnde over. Innhaldet er tematisert med utgangspunkt i følgjande emne:

- Byrjaropplæring
- Fagdidaktikk
- Tallære
- Geometri
- Algebra
- Funksjonslære
- Statistikk og sannsynsrekning

Alle emna inneheld ein fagleg og ein fagdidaktisk del som utgjer eit heile. Innan for ramma av kvart emne vert såleis relevante didaktiske tema tekne opp.

Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av innhaldet i studieeininga.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Studieeininga legg opp til varierte arbeidsformer slik at studentane sjølve skal få erfaringar med matematikk som skapande og resonnerande verksemd, og få gjere seg kjende med ulike reiskap og metodar. Nokre av desse arbeidsformene vil stille store krav til studentane når det gjeld evne til sjølvstendig arbeid, samarbeid og initiativ for å fremje eiga og medstudentar si læring. Det vert forventa at studentane brukar rikeleg med tid til å arbeide med pensum på eiga hand. Det vil også bli lagt vekt på å leggje tilhøva til rette for kontakt mellom lærarar og studentar, slik at den einskilde studenten kan få den hjelp han treng.

### ***Dokumentasjon av læring gjennom studiet***

For å støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet, er vurderingsordninga utforma som ein del av arbeidsmåtane i studieeininga. Studentane skal gjennom studiet dokumentere ulike typar arbeid i ei digital dokumentasjonsmappe (sjå avsnittet om vurdering og eksamen). Krava til innhald og omfang av dei enkelte mappeinnlegga vert gjort offentleg ved studiestart.

### ***Arbeidsformer***

I dei ulike arbeidsformene vert følgjande gruppeinndeling nytta; plenum, seminar (20 stk), basis (4 stk) og individ. Ein kan grovt dele inn arbeidsformene slik:

- Sjølvstudium og kollokvium
  - \_ Studentane er sjølv ansvarlege for å tileigne seg pensum i studieeininga, ikkje alt vert omhandla av den lærarorganiserte delen av studiet. I samband med dette vert studentane oppfordra til å danne kollokviegrupper.
- Utforsking og problemløysing - oppgåvedrøfting i seminar
  - \_ Studentane skal arbeide med oppgåver som krev ein utforskande og problemløysande arbeidsmetode, både individuelt og i basisgrupper. Det vert forventa at studentane tek aktiv del i gjennomgangen og drøftinga av oppgåvene i seminartimane.
- Arbeid med didaktiske refleksjonsoppgåver -- vurdering av medstudentar sine didaktiske refleksjonsoppgåver
  - \_ Det vert gitt didaktiske refleksjonsoppgåver som studentane skal arbeide med, og formulere individuelle svar på. Kvar student skal gi tilbakemelding på medstudentar sine arbeid. Både svara og tilbakemeldingane skal leggst i dokumentasjonsmappa og vert såleis ein del av vurderingsgrunnlaget i studieeininga.
- Studentpresentasjonar om utvalde tema - vurdering av medstudentar sine presentasjonar
  - \_ Basisgruppene får tildelt ulike faglege emne frå pensum som dei får i oppgåve å presentere for seminargruppa. Medstudentane skal vurdere og gi tilbakemelding på presentasjonane. Både presentasjonsmaterialet og tilbakemeldingane skal leggst i dokumentasjonsmappa og vert såleis ein del av

vurderingsgrunnlaget i studieeininga.

- Forelesingar om utvalde tema

\_ I plenumsamlingane vil ein hovud--sakleg fokusere på spesielt viktige delar av pensum. Det vert ikkje gitt forelesingar i heile pensumet. Før kvar forelesing vert det gitt oppgåver som skal førebu studenten til temaet for forelesinga. For å få fullt utbytte av forelesinga bør studenten ha arbeidd med desse oppgåvene.

### ***Bruk av IKT***

Studieeininga nyttar ClassFronter som eit verkty for læring og kommunikasjon. Det er difor ein føresetnad at studentane held seg kontinuerleg oppdatert om den informasjonen som vert lagt ut, og aktivt tek del i dei læringsprosessane det vert lagt opp til ved hjelp av dette verktyet. Ein del av kommunikasjonen vil også gå via e-post, det er difor viktig at studentane les e-post regelmessig.

Studentane skal få erfaringar i vurdering og bruk av pedagogisk programvare, digitale læremiddel og generelle verktyprogram som til dømes rekneark.

### ***Prosjektarbeid***

Studentane skal gjennomføre eit prosjektarbeid der dei får øving i den hypotetisk-deduktive arbeidsmetoden. Prosjektarbeidet skal dokumenterast digitalt, og inngår som ein del av den avsluttande vurderinga i studieeininga (sjå avsnittet om vurdering og eksamen).

### ***Tilpassa opplæring***

Kartlegging av enkeltelevar og elevgrupper sine forkunnskapar i ulike matematiske emne er ein viktig del av planleggingsarbeidet ein matematikklærer må gjere. Kjennskap til elevane sine forkunnskapar er avgjerande for å kunne skape gode læreprosessar som tek utgangspunkt i det eleven kan gjennom tilpassing og differensiering. Dette gjeld alle elevar, men er særleg viktig i arbeid med elevar med matematikkvanskar og elevar med spesielle anlegg for matematikk.

Diagnostisk undervising og andre måtar å kartlegge kunnskapar på er ein del av pensum. Dette er problemstillingar som vert særskild handsama gjennom dei arbeidsoppgåvene studentane får i samband med praksis.

### ***Praksis***

Dei 30 dagane studentane er i praksis skal knytast opp mot studieeininga gjennom særskilde arbeidsoppgåver. Praksis vert på denne måten ein obligatorisk del av studieeininga. Studentane skal gjennomføre ei arbeidsoppgåve som inneber arbeid med barn eller elevar. Denne arbeidsoppgåva skal gjerast i samband med praksis.

Dei som tek denne studieeininga som fagutdanning skal utføre eit alternativt arbeidskrav, sjå kapittelet om fag og vidareutdanning ein annan stad i studiehandboka.

### ***Tverrfagleg samarbeid***

Norsk, pedagogikk og matematikk samarbeider om det tverrfaglege temaet byrjaropplæring gjennom eit felles trevekes studieopplegg.

### ***FoU-tilknytning***

Matematikkseksjonen deltek i eit forskings- og utviklingsprosjekt (PLUTO) som tek sikte på å auke den didaktiske bruken av IKT i studieeininga. Studentane vil bli trekte med i dette FoU-arbeidet, spesielt gjennom vurdering og evaluering av IKT-delen av eininga.

### ***Studiekvalitetsarbeid***

Studieeininga har eit eige fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantar frå kvar seminargruppe deltek i ei kontinuerleg utvikling av eininga.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Vurderingsordninga er utforma som ein del av arbeidsmåtane i studieeininga med tanke på å støtte og dokumentere læring gjennom heile studiet.

### ***Vilkår for å gå opp til munnleg eksamen - arbeidskrav***

Før studenten kan gå opp til den avsluttande munnlege eksamenen må han avlegge to godkjende individuelle

skriftlege prøver. Prøvene vert vurderte av faglærer som godkjent/ikkje godkjent, og studenten får to forsøk til å bestå kvar prøve.

Før studenten kan gå opp til den avsluttande munnlege eksamenen må han i tillegg få godkjent den digitale dokumentasjonsmappa. Krava til innhald, omfang og innleveringstidspunkt for dei ulike elementa i dokumentasjonsmappa vert gjort offentleg ved studiestart.

Krava til tal på dei ulike elementa i dokumentasjonsmappa er:

- 10 svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (individuell arbeid)
- 10 vurderingar av medstudentar sine svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (individuell arbeid)
- 1 svar på kasusoppgåve om byrjaropplæring (gruppearbeid)
- 3 vurderingar av medstudentar sine svar kasusoppgåver om byrjaropplæring (gruppearbeid)
- 2 presentasjonar av faglege emne (gruppearbeid)
- 6 vurderingar av medstudentar sine presentasjonar av faglege emne (individuell arbeid)

Det skal veljast ut element frå dokumentasjonsmappa som skal utgjere ei **vurderingsmappe**. Innhaldet i vurderingsmappe skal vere:

- 3 svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (2 valt av studenten og 1 valt av faglærer)
- 3 vurderingar av medstudentar sine svar på didaktiske refleksjonsoppgåver (2 valt av studenten og 1 valt av faglærer)
- 1 svar på kasusoppgåve om byrjaropplæring (valt av studenten)
- 1 vurdering av medstudentar sitt svar kasusoppgåve om byrjaropplæring (valt av studenten)
- 1 presentasjon av fagleg emne (valt av studenten)
- 1 vurdering av medstudent sin presentasjon av fagleg emne (valt av studenten)

### **Eksamen**

Den endelege formelle vurderinga byggjer på to uavhengige komponentar:

- Eit prosjektarbeid gjennomført i grupper.
- Ein individuell munnleg eksamen. Denne eksamenen omfattar både spørsmål frå pensum og forsvar av vurderingsmappe. Det er høve til å framstille seg for munnleg eksamen sjølv om ikkje prosjektarbeidet er levert/godkjent.

Den endelege karakteren vert utrekna som eit vekta gjennomsnitt med 25 % vekt på prosjektarbeidet og 75 % vekt på den munnlege eksamenen. For å få godkjent karakter, må begge komponentane vere god-kjent. Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

## **PENSUM**

### **Pensumlitteratur**

- Marit Johnsen Høines (1998): Begynneropplæringen - fagdidaktikk for barnetrinnets matematikkundervisning, 2. utgåve, Caspar Forlag.
- Kjartan Tvette og Bjørg Kristin Selvik (1999): Matematiske sammenhenger - Tallære, Caspar Forlag.
- Christoph Kirfel, Hans-Jørgen Brucker og Olga Herbjørnsen (1998): Matematiske sammenhenger - Geometri, Caspar Forlag.
- Bjørg Kristin Selvik, Reinert Rinvold og Marit Johnsen Høines (1998): Matematiske sammenhenger - Algebra og funksjonslære, Caspar Forlag.
- Knut Ole Lysø (1999): Matematiske sammenhenger - Statistikk og sannsynlighetsregning, Caspar Forlag.
- Marit Johnsen Høines (2002): Matematiske sammenhenger - Didaktikk, Caspar Forlag.

I tillegg kjem utdelt materiale/materiale lagt ut på ClassFronter, som til dømes oppgåver. Det vil bli utarbeida ei

detaljert pensumliste.

### **Støttelitteratur**

- Trygve Breiteig og Rolf Venheim (1998): Matematikk for lærere 1, 3. utgåve, Tano Aschehoug.
- Trygve Breiteig og Rolf Venheim (1999): Matematikk for lærere 2, 3. utgåve, Tano Aschehoug.
- Geir Botten (1999): Meningsfylt matematikk - nærhet og engasjement i læringen, Caspar Forlag.
- Olga Herbjørnsen (1998): Rom, form og tall - Matematikdidaktikk for barnetrinnet, Tano Aschehoug.
- Christoph Kirfel (1994): Eksperimentering med matematikk, Caspar Forlag.
- Stieg Mellin-Olsen og Nora Lindén (1997): Perspektiv på matematikkvansker, 2. utgåve, Caspar Forlag.
- Ann Ahlberg (1996): Barn og matematikk, Cappelen Akademiske Forlag.
- Bjørnar Alseth (1998): Matematikk på småskoletrinnet, Nasjonalt læremiddelsenter.
- Geir Tufteland et al (1998): Matematikk 1 - For allmennlærerutdanningen, Bind 1 & 2, Universitetsforlaget.
- Olav Nygaard, Per Sigurd Hundeland og Petter Pettersen (1999): Aha - Matematikk og matematikdidaktikk, 2. utgåve, Høyskoleforlaget.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [MATEMATIKK 2](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUMLITTERATUR](#)

## MATEMATIKK 2

### *Omfang*

30 studiepoeng

### **INNLEIING**

Matematikk 2 byggjer på Matematikk 1, og tek føre seg emna funksjonslære, statistikk og sannsyn, og didaktikk. Kurset kan takast parallelt med Matematikk 1 dersom studenten har god bakgrunn i matematikk frå vidaregåande skule eller anna utdanning.

### *Målgruppe*

Målgruppa for studieeininga er studentar i 4. året i allmennlærerstudiet og lærarar som ynskjer vidareutdanning i matematikk.

### **MÅL**

Studentane skal utvikle eit fagleg og didaktisk grunnlag for å kunne planleggje, gjennomføre og vurdere matematikkundervisning i grunnskulen. Rammeplanen gir ei nærmare spesifisering av måla for studieeininga innanfor dei tre målområda Funksjonslære, Statistikk og sannsyn og Didaktikk.

### **INNHALD**

Innhaldet i studieeininga femner om målområda som er nemnde over og som er nærmare spesifisert i rammeplanen. Studieeininga er delt i to modular, kvar på 15 studiepoeng:

- Modul A: Funksjonslære og didaktikk.
- Modul B: Statistikk, sannsyn og didaktikk.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Organiseringa av kurset vil bli gjort med tanke på at studentgruppa vil vere samansett både av fulltidsstudentar på studiestaden og studentar som er i arbeid. Ein kan dele inn arbeidsmåtane slik:

- Sjølvstudium og kollokvium

\_ Studentane er sjølv ansvarlege for å tileigne seg pensum i studieeininga, ikkje alt vert omhandla av den lærarorganiserte delen av studiet. I samband med dette vert studentane oppfordra til å danne kollokviegrupper.

- Forelesingar

\_ Forelesingane vert konsentrert til samlingar 1-2 gongar i månaden. Forelesingane vil gi introduksjonar og



oversikter over tema, men vil ikkje gi ein gjennomgang av heile pensumet.

· Oppgåvearbeid

\_ I matematikk er løysing av oppgåver truleg den viktigaste arbeidsmåten. Under arbeid med oppgåvene vert det sett av timar der læraren er til stades i klasseromet for studentane som er på studiestaden. For dei andre studentane vert læraren til faste tider tilgjengeleg på telefon og e-post.

· Oppgåvegjennomgang

\_ Det vert sett av timar til gjennomgang av oppgåver som studentane har arbeidd med. Gjennomgang av oppgåver vil bli gjort både av læraren og av studentane.

· Innleveringar

\_ Det vert gitt nokre frivillige innleveringsoppgåver der studentane kan levere inn skriftleg svar og få tilbakemelding på desse. Svara skal leverast som eit hefte av lause ark. Kwart hefte vert gitt ei formell framside og vert godkjent av faglærer til bruk som eit hjelpemiddel under den avsluttande skriftlege eksamen.

\_ Studentane skal gjennomføre eit prosjektarbeid som tel med på karakteren (sjå under).

Kurset er nettstøtta ved at ein nyttar ClassFronter og e-post som verkty for læring og kommunikasjon. Informasjon, rettleiingar, oppgåver og anna vert lagt tilgjengeleg for alle studentane i ClassFronter.

Studentane skal få erfaring med bruk av relevante dataprogram og grafisk kalkulator.

Om praktisk lærararbeid og alternativt arbeidskrav for studentar som tek kurset som fagutdanning: Sjå kapittelet om fag- og vidareutdanning annan stad i studiehandboka.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane får uformell vurdering gjennom studieåret ved tilbakemelding på frivillige innleveringar, sjå over.

### **Vilkår for å få gå opp til eksamen eksamen:**

Studentane skal som *arbeidskrav(prøva)* gjennomføre ei munnleg framlegging/presentasjon av prosjektarbeidet for medstudentar og faglærer. Presentasjonen må vere godkjent før studenten får ta den avsluttande skriftlege eksamen. Kvar student har to forsøk på å få godkjent *prøva*. Gjennomføring av forprøva vert avtala med kvar enkelt student.

### **Eksamen**

Den endelege karakteren vert fastsett på grunnlag av følgjande komponentar:

- Eit prosjektarbeid Vekting: 30%
- Ein avsluttande skriftleg eksamen på 6 timar Vekting: 70%

Det er høve til å avlegge eksamen i berre *Modul A eller Modul B* (15 studiepoeng):

- Eit prosjektarbeid (mindre krav til omfang). Vekting: 30%
- Ein avsluttande skriftleg eksamen på 4 timar Vekting: 70%

For å få godkjent karakter må alle delane vere godkjende.

Lovlege hjelpemiddel på *skriftleg* eksamen:

- godkjende frivillige innleveringar
- kalkulator/kalkulator med grafisk vindauge
- læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97)
- matematiske tabellar
- opptil 3 handskrivne sider (A4) med eigne notatar

Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

### ***Evaluering av kurset***

Det vil bli danna eit fagutval for studiekvalitet der studentrepresentantar saman med fagansvarleg lærar kontinuerleg evaluerer og utviklar kurset.

I tillegg til sensurering av avsluttande skriftleg eksamen, vert det nytta ekstern sensor for å kvalitetssikre kurset. Sensor skal særleg sjå på og vurdere arbeidsmåtar og evalueringsformer.

## **PENSUMLITTERATUR**

NB følgjande liste over pensumlitteratur er mellombels. Endeleg liste vert delt ut ved studiestart.

Lysø, Knut Ole (2001): *Sannsynlighetsregning og statistisk metodelære*, Caspar forlag.

Bjørnstad, Harald m.fl. (2001): *Matematikk for økonomi og samfunnsfag*, 5. utgave, Høyskoleforlaget.

Solvang, Ragnar (1992): *Matematikdidaktikk*, 2. utgave, NKI-forlaget.

Botten, Geir (1999): *Meningsfylt matematikk - nærhet og engasjement i læringen*, Caspar forlag.

Mellin-Olsen, Stieg og Lindén, Nora (red.) (1997): *Perspektiver på matematikkvansker*, 2. utgave, Caspar forlag.

Utdelte kopiar.

Det vert utarbeidd ei detaljert pensumliste.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **MUSIKK 2, 30 STUDIEPOENG**
  - MÅL
  - ORGANISERING AV STUDIET
  - INNHALD / FAGOMRÅDE:
    - MUSISERE
    - BANDMUSISERING
    - BRUKSKLAVER OG SONG
    - HØGSKULEKORET
    - DANSE
    - KOMPONERE - I KLASSEROMET
    - Undervisninga er lagd til haustsemesteret.
    - LYTTE
    - REFLEKTERE OG INTEGRERE
    - MUSIKK FORDJUPING (15 studiepoeng)
  - VURDERING OG EKSAMEN
    - Arbeidskrav:
    - EKSAMEN
  - LITTERATUR

## MUSIKK 2, 30 STUDIEPOENG

Planen byggjer på Rammeplan for allmennlærerutdanning 1999.

Musikk 2 kan veljast både av studentar som har fullført Musikk 1 og studentar som ikkje har tatt den studieeininga. Studentar som har fullført Musikk 1 skal gjennomføre ei fordjupingseining på 15 studiepoeng. Denne er omtala under overskrifta Musikk fordjuping og skal gjennomførast i haustsemesteret. Det vert såleis eit differensiert løp haustsemesteret. Vårsemesteret har alle felles undervisning og oppgåver.

Studiet skal kvalifisere studentane til å undervise på alle trinn i grunnskulen. Studiet kan takast parallelt med Musikk 3.

### MÅL

Studiet Musikk 2 tar sikte på

- å utvikle føresetnader for å oppleve musikkens estetiske dimensjon, vurdere og utøve musikk og å gi grunnlag for å vurdere musikken sin plass og verdi i undervisning, oppseding og i samfunnet elles.
- å gi innsikt i metodiske og fagdidaktiske problem, kunnskapar, haldningar og praktisk dugleik for å undervise i faget musikk i grunnskulen.
- å utvikle innsikt og evne til oppleving og formidling og leiing av musikalske aktivitetar gjennom praktisk musisering, teoretisk studium og skapande arbeid.
- å gi bakgrunn for å kunne gjennomføre intensjonane i Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning 1999 (R 99). Det vert lagt vekt på at ein opnar for nye impulsar i vår tids musikk og musikkpedagogikk.
- å gi kunnskap om musikklivets organisasjons- og opplæringsformer, musikkpedagogisk utviklingsarbeid og samordna musikkopplæring.

- å gi bakgrunn for å kunne tilby tilpassa opplæring i skuleverket ved hjelp av auka bruk av IKT og brei opplæring i ulike instrument og ulike musikalske ytringsformer.

Sjå elles Rammeplanen s. 121 for felles mål for faget.

## ORGANISERING AV STUDIET

Med denne fagplanen og samansetjinga av studentgruppa som grunnlag, skal års- og semesterplanar utarbeidast og drøftast. Emnet «Likestilling» skal takast inn der det naturleg høyrer heime.

### **IKT**

Studentane får innføring i bruk av musikkteknologi som hjelpemiddel til skapande aktivitetar, øving og instruksjon. Drøftingar om bruk av IKT som del av musikkfaget vil stå sentralt. Sentrale emne: MIDI som kreativ reiskap, MIDI som reiskap for musikkklærarar, innføring i og vurdering av programvare for komponering og musisering, innføring i og vurdering av internett som reiskap i musikkfaget.

### **Studieevaluering og fagkritisk arbeid**

Studieevaluering og fagkritisk arbeid vert i hovudsak gjennomført i samsvar med retningsliner godkjende ved høgskulen. Fagleg leiar og studentane ved kvar studieeinining utgjer samla den fagkritiske gruppa. Utanom kontinuerleg dialog og diskusjon vert arbeidet hovudsakleg gjort ved munnleg og skriftleg midt- og sluttevaluering i dei ulike kursa. Det er utarbeidd spørjeskjema for den skriftlege evalueringa. (Sjå felles informasjon for avdelinga).

### **Obligatorisk kurs i folkemusikk**

Som del av fagområda Lytte og Danse vert det i løpet av studieåret arrangert eit folkemusikkurs over 5 dagar i regi av Ole Bull Akademiet på Voss. Studentane vil møte ein levande folkemusikkultur gjennom konsertar, ekskursjonar, førelesingar, dans og vokal og instrumental utøving. Studentar som er forhindra frå å delta må ta kurset ved eit seinare høve for å få studiet godkjent.

### **Studietur**

Obligatorisk studie- og kortur til Danmark og Sverige i veke 14, 2003.

I 2003 vert det for fyrste gong etablert eit internordisk kor, NORDKOR, med studentar frå Høgskulen i Volda, Høgskolen i Oslo, Holbæk Seminarium, Danmark, Vasa-akademien, Finland og Högskolan i Kalmar. Det vil delta ca. 25 studentar frå kvar høgskule. NORDKOR vil vere med i to konsertar, fredag 5. april på Öland og laurdag 6. april i Kalmar.

I starten av veke 14 vil HVO studentane vitje Seminariet i Holbæk og sjå på musikkutdanninga der. Ein legg og opp til vitjing av utdanningsinstitusjonar i København same veke.

Om det er tilstrekkeleg interesse, vert det arrangert ein studietur til utlandet etter gjeldande reglement ved HVO,Alu. Jfr. Det internasjonale perspektivet i 4. studieåret i lærarutdanninga i tillegg til kulturarvdimensjonen i faget. Ein vil satse på å oppsøke studiemiljø og skular for å få innsikt i landets musikkundervisning. Ein viktig del av turen vil vere å få med seg kulturtilbod i form av konsertar, forestillingar og museumsbesøk.

### **Praksis**

Studentane skal ha 20 timar praksis innan musikkundervisning i grunnskule, musikkskule eller i fritidsmusikklivet. Praksisen vert organisert innan faget Reflektere og integrere.

### **Frammøte**

Det er obligatorisk frammøte til alle disiplinar.

## INNHALD / FAGOMRÅDE:

		Haust		Vår
		Har ikkje M1	Har M1	
Musisere		x		
Danse		x		
Komponere i klasseromet		x		

Lytte		x		
Reflektere og integrere	Reflektere og integrere	x		
Fordjuping			x	
Musisere	Bandmusisering Bruksklaver og song Høgskulekoret	x	x	x x x
Danse	Danse			x
Lytte	Musikkorientering			x
Reflektere og integrere	Reflektere og integrere			x

## MUSISERE

Det vert undervist i disiplinane Bandmusisering og Bruksklaver og song. Høgskulekoret er obligatorisk begge semestera.

## BANDMUSISERING

### Mål:

Studiet skal gjere studentane i stand til å kunne arbeide med eit repertoar innanfor populære sjangrar og kunne nytte bandinstrument.

### Arbeidsmåtar:

- instruksjon i ulike bandinstrument
- rotasjonsspel
- instruksjon i leiing av band

## BRUKSKLAVER OG SONG

### Mål:

- Studiet skal gjere studentane i stand til å kunne
- akkompagnere til klassesong etter melodi med besifring
  - akkompagnere og spele melodiar etter gehør
  - bruke songstemma i arbeid med musikkfaget i skulen

### Innhald:

Undervisninga tek utgangspunkt i den enkelte student sine føresetnader. Som pensumbok nyttar ein ei song- eller visebok som er godkjent av faglæraren. Songstoffet skal vere variert i stil og toneartar med tanke på bruk i grunnskulen. Faget er knytt opp mot arbeidet i komposisjon og ensemblefag.

### Arbeidsmåtar:

- regelmessig øving utanom undervisningstimane
  - det vert arbeidd med elementær songteknikk (artikulasjon, tekstuttale, stemmeteknikk, frasering)
- Studentar som kan dokumentere tilfredsstillande nivå på piano, får tilbod om undervisning i bruksgitar. Studenten må då gå opp til forprøve i god tid før eksamen.

## HØGSKULEKORET

### Mål:

- å fremje musikalsk vekst og vokal dugleik
- å gi konserterfaring og repertoarkunnskap. Vokalpraksisen bør sjåast i musikkhistorisk perspektiv.

### Innhald:

Repertoar for vår- og haustsemesteret vert bestemt etter skulestart. Det vert lagt opp til konsertar i november/desember og før påske

### **Arbeidsmåtar:**

Høgskulekoret har øving ein gong i veka. Øvinga vert forsøkt lagt i skuletida.

## **DANSE**

### **Mål:**

Studenten skal få ei didaktisk innfallsvinkel til dans og ei felles forståing for omgrepsuniverset som gjeld for dans og musikk. I tillegg skal studenten utvikle kunnskap og forståing for dans som eiga estetisk uttrykksform.

### **Innhald:**

Sentrale emne vil være

- Organisering av danseaktivitetar for ulike klassetrinn
- Sentrale norske folkedansar
- Song- og danseleikar frå vår eigen og andres kultur
- Dans som estetisk uttrykk hjå gutar og jenter.
- Samanhengen mellom dans og musikk innan fagområde som m.a. form, puls og rytme.
- Improvisasjon, kreativ dans
- Komponering, instruksjon og framføring av dans.

### **Arbeidsmåtar:**

Studenten skal, i høve til danseverksemd, arbeide med tilrettelegging, organisering, instruksjon og leiing, individuelt og i smågrupper (2-3). Obligatorisk kurs ved Ole Bull-akademiet.

## **KOMPONERE - I KLASSEROMET**

Undervisninga er lagd til haustsemesteret.

### **Mål:**

Gjennom arbeidet i komponering og andre skapande musikalske aktivitetar skal studenten oppleve gleda ved og utvikle dugleik i å skape eigne musikalske uttrykk. I dette arbeidet er det viktig at både kreative sider og handverksider vert vektlagde.

### **Innhald:**

Eige komposisjonsarbeid er ein føresetnad for forståing og gjennomføring av metodar i dette delemnet. Faget tek sikte på å gi bakgrunn for å kunne:

- Innføring i elementær musikkteori
- Arbeide med ulike komposisjonsteknikkar
- Leggje til rette for komposisjonsundervisning i klasserommet.
- Utvikle metodar som stimulerer til kreativitet og komposisjonsverksemd.
- Komponere ved hjelp av IKT.
- Overføre kunnskap innan tradisjonell harmonikk og funksjonsanalyse til komposisjonsarbeid i klasserommet.
- 

### **Arbeidsmåtar:**

Førelesingar i sentrale emne, praktiske og teoretiske øvingar i timane, heimeoppgåver.

## **LYTTE**

### **Mål:**

Vurdere kvalitetar i musikken og vise evne til å uttrykke, formidle og drøfte musikalske inntrykk. Gjere greie for ulike metodar innan lyttemetodikk og kunne bruke eit variert repertoar av døme på musikk frå ulike epokar, tradisjonar, sjangrar og kulturar. Få eit oversyn over norsk og vesterlands kunstmusikk.

### **Innhald:**

Musikkorientering I vert delt inn i desse emna:

1. Lyttemetodikk.
2. Norsk folkemusikk, samisk musikk og norsk kunstmusikk.
3. Musikkhistorisk oversyn.

Det vert lagt vekt på repertoarkunnskap.

**Arbeidsmåtar:**

Lytting, førelesingar, samtalar, gruppearbeid, obligatorisk kurs på Ole Bull Akademiet, Voss. Delar av det musikkhistoriske stoffet er basert på sjølvstudium.

## REFLEKTERE OG INTEGRERE

**Mål:**

Studenten skal få didaktisk grunnlag og føresetnader for å utvikle eigen praktisk-pedagogisk dugleik i musikk som undervisningsfag.

**Innhald:**

Med utgangspunkt i barn og unges musikalske utvikling integrerer emneområdet aktivitets- og erkjenningssformene i grunnskulefaget musikk:

Musisere - Danse - Komponere - Lytte

gjennom fagdidaktisk og skapande arbeid med

- aktivitetar og repertoar for ulike klassesteg

- å organisere, instruere og leie song, rørsleleikar, dans, lytting og samspel

- musikk som kjernefag i tverrfagleg tema- og prosjektarbeid

**Arbeidsmåtar:**

Fagområdet føreset ein jamn innsats med oppgåveløysing gjennom heile studiet.

Utprøving av oppgåvearbeid i samla gruppe vil gi studenten praktisk røynsle i musikkpedagogisk arbeid.

Det vert lagt til rette for 20 timar praksis innan musikkundervisning i grunnskule, kulturskule eller i kor- og korpsarbeid.

## MUSIKK FORDJUPING (15 studiepoeng)

Dette målområdet er for studentar som har fullført Musikk 1 i 1. og 2. studieår.

**Mål:**

Studentane skal kunne

- gjere greie for nokre omgrep, perspektiv, teoriar og metodar i musikkfagleg utviklingsarbeid
- analysere, vurdere og dokumentere eigen kompetanse og utvikling innanfor valt emneområde
- planleggje og gjennomføre tema- og prosjektarbeid i grunnskulen med musikk som kjernefag
- dokumentere kunnskap og kompetanse som er tileigna gjennom fordjupingsarbeidet
- vurdere resultatet av fordjupingsarbeidet ut frå målsettinga for dette

**Innhald:**

Målområdet omfattar arbeid med fordjuping og utvikling av kompetanse innan musikkfaglege, utøvande eller musikkdidaktiske emne.

Musikkseksjonen gir innføring og rettleiing i arbeidet, utarbeider framdriftsplan og godkjenner val av emne ved starten av 1. semester.

**Arbeidsmåtar:**

Innføring og generell rettleiing i samla gruppe, elles individuelt arbeid eller arbeid i grupper.

Arbeidet vert organisert etter innhald og vilkår i "Rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanning"(1.7.99).

## VURDERING OG EKSAMEN

Vurderingsordninga byggjer på dei gjeldande, generelle retningslinene ved Høgskulen i Volda, Avdeling for lærerutdanning. Faglærarane gjer klart gjennom års- eller semesterplanar dei obligatoriske arbeida som skal utførast og fristar for innlevering.

Dokumentasjonsformer i vurderinga er praktiske prøver, skriftleg arbeid, pålagde arbeidsoppgåver/prøver,

prosjektarbeid, studiedeltaking.  
Vurderinga byggjer på sentrale målsetjingar i faget.

### **Arbeidskrav:**

Det vert utarbeidd ein framdriftsplan for semesterarbeida ved studiestart.  
Ved ikkje godkjende prøver skal studenten sjølv ta initiativ til organisering av ny prøve. Vilkår for å få gå opp til eksamen er gjennomført studium etter gjeldande planar og følgjande, godkjende prøver/førekrav:

**Musisere - Bandmusisering:** Godkjent deltaking. Prøver i grupper i november og før påske.

**Musisere - Bruksklaver og song:** Godkjent deltaking. Individuell prøve i november og før påske (sjå krav til eksamen).

**Musisere - Høgskulekoret:** Godkjent deltaking. Deltaking på konsertane.

**Danse:** Godkjent deltaking. Obligatorisk heimeoppgåver der dokumentasjonsforma er skriftleg arbeid og videoopptak av framføringa. Forprøver: Skriftleg arbeid og praktisk prøve i gruppe.

**Komponere:** Godkjent deltaking. Mappevurdering der studenten gjennom studieåret skal innlevere min. 5 ulike komposisjonsarbeid.

**Lytte:** Godkjent deltaking. Individuell forprøve i november og før påske.

**Reflektere og integrere:** Godkjent deltaking og praksis.

Vurderinga omfattar elles alle delene av studiet, med særleg vekt på:

- studentens faglege innsikt og engasjement
- studentens arbeid med praktisk/metodiske oppgåver
- at arbeid og oppgåver er utførde tilfredsstillande og til rett tid

## **EKSAMEN**

### ***Skriftleg eksamen***

Kandidatane kan kome opp i eitt av fagområda: Komponering i klasserommet, Musikkorientering og Reflektere og integrere.

Kandidaten vert prøvd i:

- Komponering i klasserommet: Individuell skriftleg heimeoppgåve i komposisjon.
- Musikkorientering I: Individuell skriftleg prøve i alle delar av faget. 8 timar.
- Reflektere og integrere I: Individuell skriftleg prøve i alle delar av faget. 8 timar.

### ***Munnleg eksamen***

Kandidatane kan kome opp i eitt av faga Bandmusisering, Bruksklaver og song og Danse.

Kandidaten vert prøvd i:

- Bandmusisering: leiing, instruksjon og spel i gruppe.
- Bruksklaver og song: individuell praktisk prøve med utgangspunkt i pensum
- Danse: praktisk prøve i gruppe, med utgangspunkt i pensum

Det vert gitt ein samla karakter i Musikk 2 der munnleg og skriftleg eksamen kvar tel 50 % ved samanslåing. Tema for fordjupingseininga skal skrivast på vitnemålet.

## **LITTERATUR**

Ny og sentral litteratur er under kontinuerleg vurdering. For kvart studieår vert det sett opp eit avgrensa pensum i dei ulike fagområda. Basislitteraturen innanfor dei ulike fagområda vil difor bli presentert ved studiestart.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen





- **MUSIKK 3, 30 STUDIEPOENG**
  - MÅL
  - ORGANISERING AV STUDIET
  - INNHALD / FAGOMRÅDE:
    - HOVUDINSTRUMENT
    - MUSIKKLEIING
    - DANSE
    - KOMPONERING FOR KOR OG ENSEMBLE
    - MUSIKKORIENTERING
    - HØYRELÆRE
    - REFLEKTERE OG INTEGRERE
    - SEMESTERARBEID
  - VURDERING OG EKSAMEN
    - Arbeidskrav:
    - EKSAMEN
  - LITTERATUR

## MUSIKK 3, 30 STUDIEPOENG

Planen er basert på Rammeplan for allmennlærerutdanning 1999. Musikk 3 kan veljast av studentar som har fullført Musikk 2. Studieeininga kan og takast parallelt med Musikk 2. Studiet skal kvalifisere studentane til å undervise på alle trinn i grunnskulen.

### MÅL

Studiet Musikk 3 tar sikte på

- å utvikle føresetnader for å oppleve musikkens estetiske dimensjon, vurdere og utøve musikk og å gi grunnlag for å vurdere musikken sin plass og verdi i undervisning, oppseding og i samfunnet elles.
- å gi innsikt i metodiske og fagdidaktiske problem, kunnskapar, haldningar og praktisk dugleik for å undervise i faget musikk i grunnskulen.
- å utvikle innsikt og evne til oppleving og formidling og leiing av musikalske aktivitetar gjennom praktisk musisering, teoretisk studium og skapande arbeid.
- å gi bakgrunn for å kunne gjennomføre intensjonane i Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning 1999 (R 99). Det vert lagt vekt på at ein opnar for nye impulsar i vår tids musikk og musikkpedagogikk.
- å gi kunnskap om musikklivets organisasjons- og opplæringsformer, musikkpedagogisk utviklingsarbeid og samordna musikkopplæring.
- å gi bakgrunn for å kunne tilby tilpassa opplæring i skuleverket ved hjelp av auka bruk av IKT og brei opplæring i ulike instrument og ulike musikalske ytringsformer.

Sjå elles Rammeplanen s. 121 for felles Mål for faget.

### ORGANISERING AV STUDIET

Med denne fagplanen og samansetjinga av studentgruppa som grunnlag, skal års- og semesterplanar utarbeidast og drøftast. Emnet «Likestilling» skal takast inn der det naturleg høyrer heime.

## **IKT**

Studentane får innføring i bruk av musikkteknologi som hjelpemiddel til skapande aktivitetar, øving og instruksjon. Drøftingar om bruk av IKT som del av musikkfaget vil stå sentralt. Sentrale emne: MIDI som kreativ reiskap, MIDI som reiskap for musikk lærarar, innføring i og vurdering av programvare for komponering og musisering, innføring i og vurdering av internett som reiskap i musikkfaget.

## **Studieevaluering og fagkritisk arbeid:**

Studieevaluering og fagkritisk arbeid vert i hovudsak gjennomført i samsvar med retningsliner godkjende ved høgskulen. Fagleg leiar og studentane ved kvar studieeinining utgjer samla den fagkritiske gruppa. Utanom kontinuerleg dialog og diskusjon, vert arbeidet hovudsakleg gjort ved munnleg og skriftleg midt- og sluttevaluering i dei ulike kursa. Det er utarbeidd spørreskjema for den skriftlege evalueringa. (Sjå felles informasjon for avdelinga).

## **Praksis**

Studentane skal ha 20 timar praksis innan musikkundervisning i. grunnskule, musikkskule eller i fritidsmusikklivet. Praksisen vert organisert innan faget Reflektere og Integrere.

## **Frammøte**

Det er obligatorisk frammøte til alle disiplinær.

## **INNHALD / FAGOMRÅDE:**

Studiet har fem obligatoriske hovudemne:

- Musisere som er organisert i faga Hovudinstrument og Musikkleiing
- Danse
- Komponere som er organisert i faget Komponering for kor og ensemble
- Lytte som er organisert i faga Musikkorientering II og Høyrelære
- Reflektere og integrere

## **HOVUDINSTRUMENT**

Hovudinstrument er ein del av fagområdet Musisere i R99

### **Mål:**

Studiet skal vere hjelp til musikalsk utvikling for den einskilde studenten. Det skal utvikle føresetnadene for å kunne bruke instrument eller song i ulike musikkpedagogiske samanhengar.

### **Innhald:**

Musikk og song frå ulike stilretningar, tekniske øvingar, undervisningslitteratur. Faget er og knytt opp mot arbeidet i Musikkleiing.

### **Arbeidsmåtar:**

Studenten skal gjennom individuell hjelp og rettleiing få eit grunnlag til å vurdere seg sjølv på instrument eller som songar. Dette skjer gjennom hjelp med tekniske vanskar og musikalsk utforming. Moment frå høyre- og musikk læra, harmoni- og formlæra og musikkhistoria er integrert i arbeidet. Ein arbeider også med gruppemusisering og prima vista. Studenten er sjølv ansvarleg for å øve inn eit repertoar på 30 minutt.

Studentane må i byrjinga av studiet drøfte med musikkseksjonen kva for instrument som skal veljast, då dette er eit ressurs spørsmål.

## **MUSIKKLEIING**

Musikkleiing er ein del av fagområdet Musisere i R99

### **Mål:**

Faget tar sikte på å gi

- metodisk grunnlag for å kunne planlegge, gjennomføre og vurdere leiing av ensemble
- praktisk røynsle i leiing
- innsikt i ensembleleiarens ansvar og oppgåver
-

### **Innhald:**

Faget tar utgangspunkt i ensemblesatsar for bruk i grunnskulen

Arbeidet kan omfatte:

- instrumentkunnskap
- ulike ensembletyper
- notasjon og instrumentering
- organisering, instruksjon og leiing

Studenten skal, individuelt eller i gruppe, delta aktivt i minst ein huskonsert.

### **Arbeidsmåtar:**

Studentane skal, i høve til ensembleverksemd, arbeide med tilretteleggjing, organisering, instruksjon og leiing, individuelt og i mindre grupper (2-3).

Det er naturleg å sjå faget i samanheng med fagområdet Komponering for kor og ensemble og studentane sine eigne komposisjonar og arrangement.

## **DANSE**

### **Mål:**

Studenten skal få ei didaktisk vidareføring i dans og utvikle kunnskap om å integrere dans i ein tverrfagleg samanheng.

### **Innhald:**

Sentrale emne vil være

- "Planleggje, gjennomføre og vurdere undervisningsmetodar som integrerer musikk, dans, drama.
- Øving i ulike dansetypar.
- Bruk av ulike typar dansar som personleg uttrykksmiddel.

### **Arbeidsmåtar:**

Studenten skal, i høve til danseverksemd, arbeide individuelt med tilretteleggjing, organisering, instruksjon og leiing.

## **KOMPONERING FOR KOR OG ENSEMBLE**

### **Mål:**

- Gi øving i å komponere, arrangere, innstudere og vurdere eigne satsar for ulike ensembletypar
- Utvikle studenten sine skapande evner
- Ta i bruk og vurdere ulike metodar for komponering i klasserommet
- Vidareutvikle bruk av IKT som verkty til komponering
- Bruke aktuelle opptaksteknikkar
- Skape forståing for musikkens ulike element og bruken av desse
- 

### **Arbeidsmåtar:**

Førelesingar i sentrale emne, praktiske og teoretiske øvingar i timane, heimeoppgåver.

## **MUSIKKORIENTERING**

Musikkorientering er ein del av fagområdet Lytte i R99.

### **Mål:**

- å vidareutvikle studentens evne til å oppleve musikk
- å gi innsikt i musikkens funksjon i samfunn og miljø
- å gi lyttetrening, innsikt og dugleik i å presentere musikk for barn og ungdom

### **Innhald:**

Musikkorientering vert delt inn i desse emna:

1. Populærmusikk. 2. Etnomusikk. 3. Jazz. 4. Kunstmusikk i vårt århundre.

Studentane skal, individuelt eller i gruppe på to, arbeide med eit musikkhistorisk fordjupningsområde i Musikkorientering II som semesterarbeid. Det vert utarbeidd ein framdriftsplan for arbeidet ved studiestart.

### **Arbeidsmåtar:**

Lytting, førelesingar, samtalar og gruppearbeid. Delar av det musikkhistoriske stoffet er basert på sjølvstudium.

## **HØYRELÆRE**

Høyrelære er ein del av fagområdet Lytte i R99.

### **Mål:**

Studenten skal etter endt studium vere i stand til å:

- gjengi musikk ut frå det han høyrer
- analysere musikk ut frå det han høyrer
- spele og synge «prima vista»
- tolke eit notebilete utan tilgang til innspeling eller instrument

### **Innhald:**

Med utgangspunkt i det klassiske dur-moll system vert det arbeidd med øving i å gjengi melodiar, øving i å synge «prima vista», øving i å gjengi akkordprogresjonar med modulasjonar.

Innanfor området "rytme" vert det arbeidd med øving i å skrive rytmediktatar, øving i å utføre relativt vanskelege rytmemønster, rytmisering av tekster. Det vert dessutan arbeidd med lytting/auditiv analyse.

### **Arbeidsmåtar:**

- førelesingar i sentrale emne
- praktiske og teoretiske øvingar i timane
- heimeoppgåver
- sjølvstudium med hjelp av høyrelæreprogram

## **REFLEKTERE OG INTEGRERE**

Fagdidaktikk er ein del av fagområdet Reflektere og integrere i R99

### **Mål:**

Studentane skal kunne

- gjere greie for og drøfte Innhaldet i læreplanen for musikkfaget i grunnskulen
- drøfte og vurdere musikkpedagogiske problemstillingar
- planleggje, gjennomføre og vurdere undervisning med utgangspunkt i læreplanverket

### **Innhald:**

Målområdet omfattar

- i nnføring i tenking og teori som ligg bak musikkpedagogisk verksemd
- arbeid med tiltak, prioriteringar og val i undervisningssituasjonen
- arbeid med faglege, pedagogiske og praktiske problemstillingar knytt til musikk som skulefag

### **Arbeidsmåtar:**

Førelesing, drøfting, gruppearbeid.

Det vert lagt til rette for 20 timar praksis innan musikkundervisning i grunnskule, kulturskule eller i kor- og korpsarbeid.

## **SEMESTERARBEID**

Studentane skal, individuelt eller i gruppe på 2, arbeide med eit musikkpedagogisk fordjupningsområde som semesterarbeid.

Semesterarbeidet skal vere knytt til faglege, pedagogiske og praktiske problemstillingar i musikkpedagogisk verksemd.

Rettleiing vert gitt av faglærarar i aktuelle fagområde. Studentane får ei generell innføring i metodar, metodeval og rapportskriving. Studenten/gruppa har sjølv ansvaret for å gjere avtale om rettleiing, etter å ha avgjort *kva* ein vil drøfte og *kvifor*. Det vert utarbeidd ein framdriftsplan for arbeidet ved studiestart.

Arbeidet gir høve til ulike dokumentasjonsformer:

- Studenten/gruppa kan levere eit skriftleg arbeid.
- Arbeidet kan og knytast til, eller utprøvast i musikkpedagogisk verksemd.

I slike høve skal arbeidet dokumenterast gjennom skriftleg *rapport*, med utleiing av problemstillingar, faglege og didaktiske refleksjonar i høve til desse, plan for og evaluering av arbeidet.

I tillegg kan det nyttast dokumentasjonsformer som er relevante for det praktiske arbeidet, t.d. ulike framføringar, lyd- og/eller videoopptak.

## VURDERING OG EKSAMEN

Vurderingsordninga byggjer på dei gjeldande, generelle retningslinene ved Høgskulen i Volda, Avdeling for lærarutdanning. Faglærarane gjer klart gjennom års- eller semesterplanar dei obligatoriske arbeida som skal utførast og fristar for innlevering.

Dokumentasjonsformer i vurderinga er:

praktiske prøver, skriftleg arbeid, pålagde arbeidsoppgåver/prøver, prosjektarbeid, studiedeltaking.

Vurderinga byggjer på sentrale Målsetjingar i faget.

### Arbeidskrav:

Det vert utarbeidd ein framdriftsplan for semesterarbeida ved studiestart.

Ved ikkje godkjende arbeidskrav skal studenten sjølv ta initiativ til organisering av ny prøve.

Vilkår for å få gå opp til eksamen er gjennomført studium etter gjeldande planar og følgjande, godkjende prøver/førekrav:

**Hovudinstrument:** Studenten skal innan påske meistre eit repertoar på 30 minutt.

**Musikkleiing:** Studenten skal innan påske meistre eit repertoar på 10 ensemblesatsar. Repertoaret skal leverast på notar og omfatte opplysningar om tittel, sjanger, komponist, lengde og kjelde. Alle klingande element i satsen skal gå fram av notane, unnateke improvisasjon, men grunnlaget for improvisasjonar skal vere notert.

**Danse:** Godkjent deltaking. Obligatorisk heimeoppgåver der dokumentasjonsforma er skriftleg arbeid og videoopptak av framføringa. Arbeidskrav: Skriftleg arbeid og praktisk prøve i gruppe.

**Komponering for kor og ensemble:** Godkjent deltaking. Mappevaluering der studenten gjennom studieåret skal innlevere min. 5 ulike komposisjonsarbeid.

Musikkorientering: Godkjent deltaking og semesterarbeid.

**Høyrelære:** Godkjent deltaking. Individuell prøve i november og før påske.

Reflektere og integrere: Godkjent deltaking, semesterarbeid og praksis.

Hovudinstrument: Individuell prøve innan påske.

**Vurderinga omfattar elles alle delane av studiet, med særleg vekt på:**

- studentens faglege innsikt og engasjement
- studentens arbeid med praktisk/metodiske oppgåver
- at arbeid og oppgåver er utførde tilfredsstillande og til rett tid

## EKSAMEN

### Skriftleg eksamen

Kandidatane kan kome opp i eitt av fagområda: Komponering for kor og ensemble, Musikkorientering og Reflektere og integrere.

Kandidaten vert prøvd i:

- Komponering for kor og ensemble: Skriftleg eksamen i komposisjon. 8 timar.
- Musikkorientering: Individuell skriftleg prøve i alle delar av faget. 8 timar.
- Reflektere og Integrere: Individuell skriftleg prøve i alle delar av faget. 8 timar.

### Munnleg eksamen

Kandidatane kan kome opp i eitt av faga Hovudinstrument, Musikkleiing, Danse, Høyrelære.

Kandidaten vert prøvd i:

- Hovudinstrument: framføring av repertoar på 30 min.
- Musikkleiing: framføring av 2 ensemblesatsar.
- Danse: praktisk prøve i gruppe, med utgangspunkt i pensum
- Høyrelære: individuell skriftleg prøve med etterfølgjande munnleg eksaminasjon med utgangspunkt i prøva.

Det vert gitt ein samla karakter i Musikk 3 der munnleg og skriftleg eksamen kvar tel 50 % ved samanslåing.

## LITTERATUR

Ny og sentral litteratur er under kontinuerleg vurdering. For kvart studieår vert det sett opp eit avgrensa pensum i dei ulike fagområda. Basislitteraturen innanfor dei ulike fagområda vil difor bli presentert ved studiestart.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [MUSIKK 1. ÅRSEINING, 60 STUDIEPOENG](#)
  - [EKSAMEN](#)

## MUSIKK 1. ÅRSEINING, 60 STUDIEPOENG

Studentar som tek einingane Musikk 2, 30 studiepoeng og Musikk 3, 30 studiepoeng parallelt, vil få godkjent desse einingane som Musikk 1. årseining.

Musikk 1. årseining fylgjer fagplanane for Musikk 2 og Musikk 3, med unntak av gjennomføringa av eksamen. For studentar som tek Musikk 1, årseining gjeld fylgjande eksamensordning:

### EKSAMEN

#### **Skriftleg eksamen, 8 timar:**

Skriftleg eksamen omfattar emner frå både Musikk 2 og Musikk 3. Kandidaten kan kome opp i eitt av fagområda (Musikk 2:) Komponering i klasserommet, Musikkorientering, Reflektere og integrere **og** (Musikk 3:) Komponering for kor og ensemble, Musikkorientering, Reflektere og integrere.

#### **Munnleg eksamen:**

Munnleg eksamen omfattar emner frå både Musikk 2 og Musikk 3. Kandidaten kan kome opp i eitt av fagområda (Musikk 2:) Bandmusisering, Bruksklaver og song, Danse **og** (Musikk 3:) Hovudinstrument, Musikkleiing, Danse, Høyrelære.

Det vert gitt ein samla karakter i Musikk 1.årseining der munnleg og skriftleg eksamen kvar tel 50 % ved samanslåing.



- [MUSIKK 2. ÅRSEINING](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING AV STUDIET](#)
  - [INNHALD](#)
    - [A1. Arrangering/sats og instrumentering](#)
    - [A2. Musikkpedagogikk](#)
    - [A3. Ensemble](#)
    - [Høgskulekoret](#)
    - [A4. Musikkformidling/Musikkorientering](#)
    - [A5. Høyrelære](#)
    - [A6. Hovudinstrument](#)
  - [VURDERING](#)
    - [Arbeidskrav:](#)
  - [EKSAMEN](#)
    - [Innhald:](#)
  - [LITTERATURLISTE](#)

## MUSIKK 2. ÅRSEINING

Dette studiet skal saman med 1.årseining i musikk førebu for arbeid i fritidsmusikklivet og kommunale musikkskular, og fungere som vidareutdanning for lærarar i grunnskulen og vidaregåande skular.

- Studiet tar sikte på å gi studentane innsikt, kunnskapar, praktisk dugleik og haldningar, slik at dei vert i stand til:
- forstå musikkpedagogen, skulen og det frivillege musikklivet sine funksjonar i lokal samfunnet og i samfunnet som heile
  - opparbeide ei yrkesetisk, sjølvstendig og konstruktiv haldning til oppgåver og problem i sitt framtidige yrke
  - følgje med i utviklinga innan sitt fagområde og kunne ta initiativ til å skape fornying i praktisk musikkpedagogisk arbeid
  - aktivt vere med på å realisere målet for dei skuleslaga og dei musikkaktivitetane dei skal arbeide med, og sjå oppgåvene sine som ein del av den totale verksemda
  - grunngi, planlegge, gjennomføre og vurdere musikkundervisning, musikkoppseding og anna relevant musikkarbeid med utgangspunkt i elevane og deltakarane sine føresetnader
  - forstå, akseptere og hjelpe den einskilde eleven musikkfagleg, sosialt og personleg.

### MÅL

Studiet skal gi studentane innsikt og ei kritisk, handlingsorientert haldning til skulens og det frivillege musikklivets funksjonar i samfunnet og ei forståing for korleis desse gjensidig påverkar kvarandre.

Studiet skal spesielt gjennom arbeidsformene førebu studentane til å kunne fungere sjølvstendig, initiativrikt og samarbeidsvilleg i deira framtidige yrke.

Musikkpedagogisk verksemd kan gjennomførast ut frå ulike syn på undervisning og metodar. Det er difor viktig at studentane får ein vid røynslebakgrunn, slik at dei kan vurdere og velje mellom metodar som til ei kvar tid høver best for elevane og undervisningssituasjonen.

Studium av pedagogiske spørsmål må vere både praktisk og teoretisk orientert, og må gjennomførast slik at både teori og praksis vert sett i lys av kvarandre. Berre på denne måten kan studiet hjelpe studentane fram mot målet.

Eit slikt vekselspel mellom teori og praksis føreset at studiet til ei viss grad vert planlagt av studentar og lærarar saman. Dei teoretiske delane skal ta utgangspunkt i sentrale problemstillingar frå studentane sin praksis. Tileigning



av pedagogiske kunnskapar og dugleik vil dermed gå inn som lekk i arbeidet med ulike problemstillingar. Det vert lagt stor vekt på studentane sin eigen studieinnsats og deira eige ansvar for gjennomføringa av studiet. Emnet «Likestilling» skal takast inn der det naturleg høyrer heime.

## **ORGANISERING AV STUDIET**

Musikk, 2. årseining er organisert som eit heiltidsstudium over to semester. Det vert utarbeidd framdriftsplan for semesterarbeid ved studiestart.

Det er obligatorisk frammøte til all undervisning

### **Opptaksgrunnlag:**

Søkjarar til studiet må frå før ha 60 studiepoeng i musikk.

### **Fagområde:**

- A1. Arrangering/sats og instrumentering
- A2. Musikkpedagogikk
- A3. Ensemble
- A4. Musikkformidling/Musikkorientering
- A5. Høyrelære
- A6. Hovudinstrument/støtteinstrument

### **IKT**

Studentane får innføring i bruk av musikkteknologi som hjelpemiddel til skapande aktiviteter, øving og instruksjon. Drøftingar om bruk av IKT som del av musikkfaget vil stå sentralt.

Sentrale emne vil være:

- innføring i notasjons- og sequenserprogram for komponering og arrangering.
- innføring i ulike høyrelæreprogram
- arbeid med Internett som reiskap i musikkfaget.

### **Studieevaluering og fagkritisk arbeid:**

Studieevaluering og fagkritisk arbeid vert i hovudsak gjennomført i samsvar med retningslinjer godkjende ved høgskulen.

Fagleg leiar og studentane ved kvar studieeining utgjer samla den fagkritiske gruppa.

Utanom kontinuerleg dialog og diskusjon, vert arbeidet hovudsakleg gjort ved munnleg og skriftleg midt- og sluttevaluering i dei ulike kursa.

Det er utarbeidd spørjeskjema for den skriftlege evalueringa (Sjå felles informasjon).

## **INNHALD**

### **A1. Arrangering/sats og instrumentering**

#### **Mål:**

Faget har som mål å

- gi øving i å arrangere, skape, innstudere og vurdere eigne satsar for ulike instrumental- og vokalensemble, og dermed øving i å legge tilrette musikk for det ensemble ein måtte ha til disposisjon
- gi øving i å analysere og greie ut om ulike musikk- og satstyper
- skape forståing av musikkens ulike element og bruken av desse
- utvikle studentane sine skapande evner

#### **Faginnhald:**

Det vert lagt vekt på teknikkar som i særleg grad er nytta i bruksmusikkarrangering.

Emne som kan vere grunnlag forstudiearbeid er m.a.:

- bruksmusikkarrangering med besifring, jazz- og popharmonikk og blokkakkordikk
- elementbehandling (diskantlinje, basslinje, rytmisk utfylling osv)
- forenkling av kompliserte stemmer/arrangement
- fritonal improvisering/komponering

#### **Arbeidsmåtar:**

Undervisninga går til vanleg føre seg i den gruppa kurset utgjer. Undervisninga vert gitt med utgangspunkt i

lærebøker, ulike satstyper frå aktuell musikk litteratur og dels med utgangspunkt i studentane sitt eige satsarbeid. Det vil og vere ei viss samordning mellom satsarbeid og ensemble (A 1.)

I tillegg til kortare øvingsoppgåver, skal studentane kvart semester levere minst eitt fullstendig satsarbeid. Datamaskinen vil ha ein sentral plass som hjelpemiddel i faget. Det vert gitt innføring i MIDI-teknikkar med utgangspunkt i notasjons- og sequencerprogram.

### **Mappe:**

I løpet av studieåret skal studenten ha spelt inn 3-5 eigne arrangement som eit ledd i oppgåveløysningar. Samla innspelingsstid skal vere min. 12 minuttar. Faget stiller store krav til sjølvstendig arbeid.

### **Pensumlitteratur:**

Bjørn Kruse: Bruksmusikkarrangering

## **A2. Musikkpedagogikk**

### **Mål:**

Faget tar sikte på å gi teori og haldning som bakgrunn for å kunne

- grunnje, planlegge, gjennomføre og vurdere ulike former for musikkpedagogisk arbeid
- gå inn i ulike musikkpedagogiske oppgåver på ein yrkesetisk, konstruktiv og samarbeidsvilleg måte
- vere aktivt med på å realisere målet for dei skuleslaga og dei musikkaktivitetane studentane skal arbeide med
- følgje med i utviklinga, arbeide sjølvstendig og skape fornying innan musikkpedagogisk arbeid

### **Faginnhald:**

1. Emne som kan vere grunnlag for studiearbeid er m.a.:

- musikkdidaktisk tenking
- musikalitet og kreativitet
- lærarrolla
- planlegging, gjennomføring og vurdering av musikkpedagogisk verksemd
- sentrale musikkpedagogiske problemstillingar

2. Studenten skal, individuelt, arbeide med eit musikkpedagogisk fordjupnings-område som semesterarbeid. Semesterarbeidet skal vere knytt til faglege, pedagogiske og praktiske problemstillingar i musikkpedagogisk verksemd. Rettleiing vert gitt av faglærer i aktuelle fagområde. Studentane får ei generell innføring i metoder, metodeval og rapportskrivning. Studenten/gruppa har sjølv ansvaret for å gjere avtale om rettleiing, etter å ha avgjort *kva* ein vil drøfte og *kvifor*. Det vert utarbeidd ein framdriftsplan for arbeidet ved studiestart.

Arbeidet gir høve til ulike dokumentasjonsformer:

- Studenten kan levere eit skriftleg arbeid
- I høve der arbeidet er knytt til, eller utprøvd i musikkpedagogisk verksemd, skal arbeidet dokumenterast gjennom skriftleg *rapport*, med utleiing av problemstillingar, faglege og didaktiske refleksjonar i høve til desse, plan for og evaluering av arbeidet.

I tillegg kan det nyttast dokumentasjonsformer som er relevante for det praktiske arbeidet, t.d.: Ulike framføringar, lyd- og/eller videoopptak.

### **Arbeidsmåtar:**

Undervisninga går til vanleg føre seg i den gruppa kurset utgjer.

I tillegg til undervisningstimane krev faget om lag tilsvarande mengde eigne studier, individuelt og i grupper.

Undervisninga inneheld førelesingar, diskusjonar, utgreiingar for arbeidsoppgåver og prosjekt, øvingar m.m.

Eigne arbeid kan vere litteraturstudier, arbeid med oppgåver og

prosjekt, intervju, observasjonar m.m.

## **A3. Ensemble**

### **Mål:**

Faget skal ta sikte på å gi

- musikalsk vidareutvikling
- metodisk grunnlag for sjølvstendig å kunne planlegge, gjennomføre og vurdere ensembleleiing
- praktisk røynsle i å leie eit ensemble og i samarbeide med deltakarane
- innsikt i ensembleleiarens ansvar og oppgåver

- forståing for å kunne ta initiativ og skape fornying innanfor dette verkefeltet

### **Faginnhald:**

Faget har primært ei praktisk, yrkesretta målsetting, og det er difor viktig at mest råd er av teoretiske studier og drøftingar tar ut gangspunkt i reelle praktiske situasjonar.

Sentrale emne i faget er

- innføring i partiturstudium/analyse
- instruksjonsmetodikk
- slagteknikk/direksjon

Emne som kan vere grunnlag for studiearbeid er m.a.:

#### **1. Generelt om ensemble:**

- ensembles mål og føresetnader
- ensemblet i lokalsamfunnet
- planlegging og organisering av ensembleverksemd, som t.d.koordinering av ensembleøvingar, gruppeundervisning og individuell undervisning
- oppbygging av eit ensemble: Startfase, framhald, progresjon; ulike metodar for opplæring i ensemble
- sentrale problem i ensembleverksemda
- konsertførebuing

#### **2. Instruksjon:**

- ulike framgangsmåtar ved innstudering og arbeid med nytt og gammalt repertoar
- analyse av partitur med tanke på innstuderingsproblem i ensemble
- spesielle øvingar for ensemblet, t.d.: Intonasjonsøvingar, rytme-, artikulasjons- og konsentrasjonsøvingar m.m.
- improvisasjon, individuelt og i grupper
- innstudering og framføring av eigne arrangement og komposisjonar

#### **3. Repertoar:**

- ulike ensemblesamansetjingar og repertoar for desse
- repertoar frå ulike epokar og musikkjangrar
- repertoar for ensemble på ulike nivå
- progresjonsmessig tilrettelegging av repertoar
- sentral litteratur

### **Arbeidsmåtar:**

Undervisninga går til vanleg føre seg i den gruppa kurset utgjer. Metodikkundervisninga femner om gjennomgåing av oppgåver, diskusjonar og øvingar i tilknytning til momenta under Faginnhald og problemstilling i samband med ensemblepraksis.

### **Høgskulekoret**

Deltaking i Høgskulekoret er ein del av fagområdet Ensemble

### **Mål:**

- å gi opplevd innsikt og dugleik i korsong
- å fremje musikalsk vekst og vokal dugleik
- å gi den einskilde student konserterfaring og repertoarkunnskap. Vokalpraksisen bør sjåast i musikkhistorisk perspektiv.

### **Innhald:**

Repertoar for vår- og haustsemesteret vert bestemt etter skulestart. Det vert lagt opp til konsertar i november/desember og før påske.

Arbeidsmåtar:

Høgskulekoret har øving ein gong i veka. Øvinga vert forsøkt lagt i skuletida.

## **A4. Musikkformidling/Musikkorientering**

### **Mål:**

Faget tek sikte på å gi bakgrunn for å kunne:

- utvikle ei kritisk og vurderande haldning til ulike former for musikkformidling
- formidle musikk i ulike konsert- og framføringssituasjonar
- ta seg av dei fleste sider ved konsertproduksjonar

- skrive musikkmeldingar
- utvikle innsikt i musikkens funksjon i ulike samfunn og miljø
- ta del i organisering av musikklivet

### **Faginnhald:**

Studentane vil til ein viss grad vere med på å utforme innhaldet i faget. Ein vesentleg del av faget vil komme inn under omgrepet «musikkformidling».

Emne som kan vere aktuelle:

- musikk og kommunikasjon
- alle sider ved gjennomføring av ulike typar konsertar
- musikkmelding
- musikkens funksjon i ulike samfunn og miljø
- musikk og media
- musikk og teknologisk utvikling
- musikklivets opplæringstilbod og organisasjonsformer
- musikalsk barne- og ungdomskultur
- musikk og aktuell kulturpolitikk
- samtidsmusikk

### **Arbeidsmåtar:**

- førelesingar i sentrale emne
- diskusjonar i timane
- gruppearbeid og prosjekt
- heimeoppgåver
- praktiske oppgåver som: konsertarrangering, skrivning av musikkmeldingar, intervju
- semesteroppgåve (individuellt eller gruppearbeid)

### **Aktuell litteratur kan vere :**

Eilif Nesheim: Med publikum som mål

Einar Solbu: Det spiller en rolle

Dorothy Irving o.a.: Musiken, artisten, publiken

Even Ruud: Musikk og verdier

Utdelte kopiar og kompendium

Pensum vil verte bestemt av kva emne undervisninga omfattar.

## **A5. Høyrelære**

### **Mål:**

Faget har som mål

- utvikle gehør gjennom ulike arbeidsformer
- utvikle dugleik innan områda rytme, melodikk og harmonikk
- utvikle studentens evne til å innstudere eit partitur

### **Faginnhald:**

- auditiv analyse utan partitur
- rytmelesing- og utføring
- tonal melodilesing og -sang
- atonal melodilesing og -sang (utvalde intervall)
- intervall, akkordar og akkordprogresjonar
- innstuderingsteknikk.

### **Arbeidsmåtar:**

Undervisninga går til vanleg føre seg i den gruppa kurset utgjer, men kan og organiserast i små grupper. Faget set store krav til eige studiearbeid, individuelt og i kollokviegrupper. Ein vesentleg del av arbeidet med å utvikle eigne ferdigheiter vil foregå ved hjelp av høyrelæreprogram på PC.

### **Aktuell litteratur kan vere:**

T.S.Aarsand: Rytmask hørelære

- L. Edlund : Modus vetus
- L. Edlund: Modus novus (kap. 1-2)

## **A6. Hovudinstrument**

### **Mål:**

Målet for faget er at studentane gjennom spel (ev. song) skal kunne oppleve, uttrykkje og formidle musikalske kvalitetar og intensjonar. Ved sida av at dette er eit mål i seg sjølv, er det og eit viktig grunnlag for dei pedagogiske studia som vert gjennomførde med tanke på studentane si framtidige verksemd som musikkpedagogar.

Føresetnader for å nå målet er at studentane kan

- utvikle teknisk dugleik på instrumentet
- utvikle ein brei og allsidig repertoarkunnskap
- utvikle evne til å fungere i større og mindre ensemble
- utvikle evne til bladlesing og rask innstudering
- utvikle evne til å vurdere andre sitt spel/sin song
- utvikle kjennskap til ulike metodar og progresjonar
- utvikle kjensle for musikkens estetiske kvalitetar

### **Faginnhald:**

Med utgangspunkt i studentens føresetnader, vil arbeidet først og fremst omfatte

- tekniske øvingar, instrumentalmetodikk
- innstudering av solo- og samspelrepertoar

Repertoaret vert sett saman ut frå studentens føresetnader og at ein bør bygge opp eit breiast mogleg repertoar.

Generelle føresetnader er at

- repertoaret spenner over fleire tidsepokar og/eller sjangrar som er aktuelle for instrumentet
- det vert tatt omsyn til ulike formidlingssituasjonar
- det vert nytta stoff som øver evnen til prima-vista-spel og rask innstudering
- delar av repertoaret er stoff som høver for undervisning på ulike nivå

### **Arbeidsmåtar:**

Studenten skal gjennom individuell hjelp og rettleiing få eit grunnlag til å vurdere seg sjølv på instrument eller som songar. Dette skjer ved hjelp med tekniske øvingar og musikalsk utforming Moment frå høyre- og musikk læra, harmoni- og formlæra og musikkhistoria integrerer ein i dette arbeidet. Ein arbeider også med gruppemusisering og prima vista.

Sjølvtendig arbeid med øving, lytting etc. vil stå heilt sentralt for studenten.

Organisering av undervisningsform vert elles gjort ut frå kva lærar og student finn føremålstenleg og ut frå dei ressursane som er til rådvelde.

Studentar som kan dokumentere høgt nivå på sitt instrument, både kunstnarleg og didaktisk, kan etter godkjent forprøve få høve til undervisning på eit anna. Val av hovudinstrument skal skje seinast 1 veke etter semesterstart

### **Støtteinstrument:**

Studentane må i byrjinga av studiet drøfte med musikkseksjonen kva for instrument som skal veljast, då dette er eit ressurs spørsmål. Val av hovudinstrument skal skje seinast 1 veke etter semesterstart.

## **VURDERING**

Vurderingsordninga byggjer på dei gjeldande, generelle retningslinene ved Høgskulen i Volda. Faglærarane gjer klart gjennom års- eller semesterplanar dei obligatoriske arbeida som skal utførast, og fristar for innlevering.

Dokumentasjonsformer i vurderinga er:

- praktiske prøver
  - skriftleg arbeid
  - pålagde arbeidsoppgåver/prøver
  - prosjektarbeid
  - studiedeltaking
  - mappe, dvs. oppgåver i musikkformidling, innspilte arr/komposisjonar samt opptak med hovudinstrument.
- Vurderinga byggjer på sentrale målsetjingar i faget.

### **Arbeidskrav:**

Vilkår for å få gå opp til eksamen, er gjennomført studium etter gjeldande planar og følgjande, godkjende arbeidskrav:

### **A1. Arrangering/sats og instrumentering**

Mappe

Innlevering av obligatoriske heimeoppgåver

Eitt fullstendig satsarbeid pr. semester

### **A2. Musikkpedagogikk**

Mappe skal leggst fram innan 20. april

### **A3. Ensemble**

Individuell, skriftleg prøve i ensemblemetodikk innan veke 10, 6 timar.

Skriftleg semesterarbeid, individuelt eller i grupper, i ensemblemetodikk.

Godkjent deltaking i Høgskulekoret.

### **A4. Musikkformidling/Musikkorientering**

Mappe: Gruppearbeid, prosjekt, heimeoppgåver, semesteroppgåver og dokumentasjon av praktiske oppgåver skal leggst fram samla innan 20. april.

Gruppe- og prosjektarbeid, obligatoriske heimeoppgåver.

Skriftleg semesterarbeid, individuelt eller i grupper.

### **A5. Høyrelære**

Ei forprøve kvart semester.

### **A6. Hovudinstrument/støtteinstrument**

Pensumliste skal setjast opp innan 20. april

Mappe: 3-5 solostykke skal spelast inn i løpet av studieåret og leggst fram innan 20.april.

Vurderinga omfattar elles alle delene av studiet, med særleg vekt på:

- studentens faglege innsikt og engasjement
- studentens arbeid med praktisk/metodiske oppgåver
- at arbeid og oppgåver er utførde tilfredsstillande og til rett tid
- at studenten har teke del i planlagde prøver
- at studenten har minst 80% frammøte

## **EKSAMEN**

I. Individuell, skriftleg/munnleg eksamen i fagområdet A1: Arrangering/sats og instrumentering, 10 timar.

Eksamensoppgåva skal leverast som MIDI-fil Oppgåva skal i samband med individuell praktisk-munnleg/utøvande eksamen framførast med kandidaten som ensembleleiar. Ei samla vurdering vert gjort av arrangementet og instruksjonsarbeidet. Vekt: 50 %

II. Individuell, praktisk-munnleg/utøvande eksamen i eitt av fagområda A2 - A6. Vekt: 50 %

### **Innhald:**

#### **A2: Musikkpedagogikk**

Eksaminering med utgangspunkt i mappe

#### **A3: Ensembleleiing:**

- a) Organisering, instruksjon og leiing av sjølvvalt pensum i ensemble
- b) Organisering, instruksjon og leiing i oppgåve gitt med 48 timars førebuingstid

#### **A4: Musikkformidling/musikkorientering**

Eksaminering med utgangspunkt i mappe

Praktisk prøve i presentasjon av musikk

Munnleg eksaminering i alle delar av faget

#### **A5: Høyrelære**

Individuell skriftleg prøve med etterfølgjande munnleg eksaminering med utgangspunkt i prøva.

#### **A6: Hovudinstrument:**

Framlegging av mappe

- a) Framføring av sjølvvalt repertoar
- b) Framføring av repertoar valt av eksaminator frå oppsett pensum
- c) Prima vista

## LITTERATURLISTE

For kvart studieår vert det sett opp eit avgrensa pensum i dei ulike fagområda.

Ny og sentral litteratur er under kontinuerleg vurdering.

Basislitteraturen innanfor dei ulike fagområda vil difor bli presentert ved studiestart.

Sjå elles dei ulike faga

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [ORGANISASJON OG LEIING I BARNEHAGEN, 30 STUDIEPOENG \(FLF103\)](#)
  - [MÅLGRUPPE](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL FOR STUDIET](#)
  - [INNHALD](#)
    - [Modul 1: Organisering, leiing og utvikling - 15 studiepoeng](#)
    - [Modul 2: Styling, planlegging, administrasjon og samarbeid - 15 studiepoeng](#)
  - [PENSUM](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)

## ORGANISASJON OG LEIING I BARNEHAGEN, 30 STUDIEPOENG (FLF103)

### MÅLGRUPPE

Førskulelærerstudentar, tilsette i kommunale og private barnehagar, barnehage-konsulentar og andre som arbeider med eller har interesse av å skaffe seg betre innsikt i organisering, leiing, planlegging, administrasjon og samarbeid i oppvekstsektoren.

Studiet tek sikte på å kvalifisere til leiarstillingar på område som har ansvar for barns oppvekst.

### OPPTAKSKRAV

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

### MÅL FOR STUDIET

Gjennom fordjupingseininga i organisasjon og leiing skal studentane

- få betre innsikt i korleis ein kan analysere arbeidet i barnehagen i eit samfunns- og organisasjonsperspektiv
- tileigne seg innsikt i det politiske og administrative systemet
- utvikle større innsikt i kva leiingsfunksjonen i barnehagen inneber
- utvikle evne til å utføre og løyse oppgåver knytte til planlegging, gjennomføring og vurdering av utviklings- og fornyingsarbeid i barnehagen
- kunne skape forståing for at samordning og samarbeid er nødvendig når det gjeld det heilskaplege oppvekstmiljøet for barn

### INNHALD

Fagplanen for denne fordjupingseininga byggjer på Rammeplan for fordjupingseining i Organisasjon og leiing, godkjent av KUF 3. mars 1997.

*Studiet består av to modular på kvar 15 studiepoeng. I studieåret 2002/2003 vil modulane verte vurderte under eitt.*

Barnehagesektoren har dei siste åra vore i sterk vekst og utvikling, og både sentrale styringsorgan i samfunnet og brukargrupper har stilt krav om omstilling og tilpassing i barnehagane. Leiing og organisering av barnehagetilboda er i stor grad eit lokalt ansvar, og det er difor viktig at barnehageleiarane har god kompetanse på dette området.



Omstilling og utvikling stiller nye krav til leiingsfunksjonane i barnehagen, og studiet vil vise at leiing er ei sentral oppgåve for alle førskulelærarar.

Barnehagen er ein viktig del av mange barn sitt oppvekstmiljø, og i offentlege utgreiingar og andre politiske grunnlagsdokument vert det peika på behovet for samordning og heilskapstenking på oppvekstfeltet. Oppvekstkår for barn, planlegging, administrasjon, organisasjonsteori og leiing er område som heng saman med verksemda i barnehagen. Kunnskap om og innsikt i desse emna er nødvendig for å kunne få til eit kvalitativt godt arbeid i barnehagen og sikre samspel og ei positiv utvikling i samspel med lokalsamfunn og foreldre.

### **Modul 1: Organisering, leiing og utvikling - 15 studiepoeng**

Denne modulen fokuserer på barnehagen som organisasjon. Ei heilskapleg forståing av barnehagen krev at studentane opparbeider innsikt i det å bruke eit organisasjons-perspektiv for å analysere barnehagearbeidet. Styraren er dagleg leiar for verksemda og er arbeidsleiar for personalet. Avdelingsleiar (pedagogisk leiar) har også eit leiaransvar innanfor barnehagen. Tydeleg leiing er ein nøkkel for å utvikle barnehagane, noko som stiller krav til korleis leiarrolla vert utøvd. Arbeid med leiarroller står difor sentralt i denne modulen.

Ein legg også vekt på å presentere ny kunnskap og erfaring frå utviklingsarbeid i barnehagen. Personlege, sosiale og kulturelle forhold utgjer viktige premisser i dette arbeidet. Studentane skal få auka innsikt i ulike prosessar som fører til krav om fornying og omstilling. Utviklingsarbeid er ein viktig del av arbeidet med kvalitetssikring i barnehagen. Studentane skal få innsikt i korleis ein kan planleggje, gjennomføre og evaluere eit utviklingsarbeid i eigen institusjon, der ein også ser på strategiar og metodar for å styrke brukarane (barn og foreldre) si deltaking i utviklings- og fornyingsarbeidet.

#### **Tema:**

Organisasjonsteoretiske retningar  
Grunnleggjande prosessar i organisasjonar  
Leining i organisasjonar - leiing i barnehagen  
Kommunikasjon, samhandling og motivasjon  
Makt og konflikt  
Organisasjonskultur - personlege, sosiale og kulturelle forhold  
Organisasjonsutvikling - personalutvikling

#### **Basislitteratur:**

- Axiö, Annika & Palmquist, Berit: *Å lede med omsorg*.  
Kommuneforlaget, Oslo 1997.
- Flaa, Paul m.fl.: *Innføring i organisasjonsteori*.  
Universitetsforlaget, Oslo 1995, 4. utg.
- Gotvassli, Kjell Åge: *Et kompetent barnehagepersonale*.  
Høyskoleforlaget. Kristiansand, Oslo 2001.
- Gotvassli, Kjell Åge: *Barnehager - organisasjon og ledelse*.  
TANO. Oslo 1997.
- Lundestad, Magritt: *Konflikter - bare til besvær?*  
Høyskoleforlaget. Kristiansand 2001.

### **Modul 2: Styling, planlegging, administrasjon og samarbeid - 15 studiepoeng**

I denne modulen tek vi m.a. sikte på å klargjere dei samfunnsmessige føringane for barnehagane si verksemd. Studentane skal gjennom arbeid med desse emna tileigne seg djupare forståing for dei rammer som gjeld for barnehagedrifta, med vekt på kunnskap om det politiske og administrative systemet (etatskunnskap). Vidare skal studentane få djupare innsikt i administrative system, rutinar og praktiske oppgåver. Barnehageleiarane sine spesielle arbeids- og ansvarsområde inngår også som ein viktig del i denne modulen, og lover og forskrifter som regulerer arbeidsforhold i barnehagen vil bli tekne opp. Studentane skal tilegne seg kunnskap om det ansvar og dei oppgåver kommunane har overfor barn og unge, med særleg vekt på førebyggjande arbeid. Fleire emne tek opp arbeidet med å skape forståing for samordning og samarbeid når det gjeld barn sitt totale oppvekstmiljø. Ein tek sikte på å auke studentane sin samarbeidskompetanse

på tvers av fag, profesjonar og institusjonar i oppvekstsektoren. Rammeplan for barnehagen understrekar barnehagen sitt ansvar når det gjeld kultur- og kunnskapsformidling. Dette krev også tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

### **Tema:**

- Det politiske og administrative systemet på ulike nivå - oppbygging, funksjon, samspel
- Rammevilkår, styring og økonomi i kommunar og barnehagar
- Barnehagen sin plass i styringssystemet
- Barnehagen og lokalsamfunnet
- Planleggingsarbeid, vurdering og kvalitetssikring
- Lovverk, saksbehandling og praktisk administrativt arbeid
- Personalarbeid
- Samordning og heilskapstenking mellom profesjonar, fag og etatar på oppvekstområdet, til dømes barnehage, barnevern, skule, PPT, helsesektor

### **Basislitteratur:**

Gotvassli, Kjell Åge: *Et kompetent barnehagepersonale.*

Høyskoleforlaget. Kristiansand, Oslo 2001.

Lundestad, Magritt: *Konflikter - bare til besvær?*

Høyskoleforlaget. Kristiansand 2001.

Olsen, Leif Oscar: *Juss i barnehagen.*

Fagbokforlaget 1996, 2. utg.

Sagbakken, A. og Aanderaa, B.: *Barnevernet i barnehagen - en felles utfordring.* Kap. 1 t.o.m. 5.

Kommuneforlaget, Oslo 1993.

Tveiten, G. & Aanderaa, B.: *Kommuner for barn.* Del I.

Kommuneforlaget, Oslo 1994.

### **PENSUM**

I tillegg til basislitteraturen vil det i samarbeid med studentane bli lagt til ymse artikkelstoff og anna ajourført materiale innanfor ei normalramme for pensumlitteratur (om lag 200 sider pr. vektal).

### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

I studiet vil det bli nytta varierte og aktive arbeidsformer der m.a. faglege presentasjonar og diskusjonar vi vere viktige. Noko av undervisninga vert gitt som vanlege førelesingar i storgruppe, men mykje stoff må studenten også tileigne seg gjennom individuelt arbeid, arbeid i basisgrupper, seminar deltaking, fagpraksis og oppgåveskriving. Sjølvstendig innsamling og vidare arbeid med stoff gjennom kontakt med forvaltninga i barnehagesektoren både regionalt og lokalt er også arbeidsformer som kan bli nytta.

*Arbeidsmappe* vil inngå som integrert del av læringsarbeidet, og det vil i tilknytning til desse bli lagt opp til rettleiing i grupper og/eller individuelt.

*Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)* vil bli brukt aktivt i læringsarbeidet, m.a. til å skaffe oppdatert informasjon på viktige område for barnehage- og oppvekst-sektoren. IKT vil også bli nytta i undervisninga, og då spesielt knytt til administrativt arbeid i barnehagen.

Det er 20 timars obligatorisk punktpraksis knytt til faget, og studentane skal skrive ei individuell vurdering av denne praksisen, der dei også nyttar eit analytisk og reflekterande perspektiv på leiingsfunksjonen på den type arbeidsplass der praksisen er gjennomført.

### **STUDIEEVALUERING OG STUDIEKVALITETSARBEID**

I tillegg til arbeidet i utval for studiekvalitet som skal gjennomførast i alle faga, vil det bli gjennomført vurderings- og rettleiingssamtalar i grupper/individuelt, der ein vil prøve å vurdere både faget og studentane si læring.

### **TILPASSA OPPLÆRING**

I opplæringssystemet vårt er det eit grunnleggjande prinsipp at det skal gjevast tilpassa opplæring. Studiet i organisasjon og leiing er først og fremst konsentrert om administrative oppgåver og personalleiing, og det vil her

vere naturleg å ta opp spørsmål omkring korleis leiarar i barnehagen tilrettelegg for at tilpassa opplæring vert integrert i planarbeid og dagleg arbeid på sektoren og i den enkelte barnehagen.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Den endelege karakter i Organisasjon og leiing i barnehagen, 30 studiepoeng vert fastsett på grunnlag av ein mappeeksamen med munnleg justering.

Dei større arbeida i arbeidsmappa skal leggst i ei individuell vurderingsmappe. Ved sluttvurderinga vert *eit eller to av arbeida* trekt ut og vurdert. Dei uttrekte arbeida utgjer mappeeksamen.

Den munnlege delen av eksamen skal i utgangspunktet justere den skriftlege karakteren opp eller ned med inntil to bokstavkarakterar, men heile skalaen kan takast i bruk dersom det er behov for det. Munnleg eksamen tek utgangspunkt i dei uttrekte arbeida, men vil også kunne omfatte spørsmål frå andre delar av pensum.

*Det vert gitt bokstavkarakter etter skalaen A-F, der A - E blir nytta for stått og F for ikkje stått.*

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **PEDAGOGISK ARBEID PÅ SMÅSKULESTEGET 1, 30 STUDIEPOENG**
  - OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE
  - MÅL
  - ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER
  - INNHALD
    - Hovudemne 1: Barn, leik og læring
    - Hovudemne 2: Rammvilkår, planlegging, organisering og samarbeid
    - Hovudemne 3: Språk, kommunikasjon og matematikk
    - Hovudemne 4: Estetisk verksemd
    - Hovudemne 5: Samhandling med nærmiljøet
  - VURDERING OG EKSAMEN
  - EKSAMEN
  - LITTERATUR

## **PEDAGOGISK ARBEID PÅ SMÅSKULESTEGET 1, 30 STUDIEPOENG**

Fagplanen bygger på rammeplanen Vidareutdanning i pedagogisk arbeid på småskulesteget, 10+10 vektal, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdeparementet, 1997. Studiet ved HVO er organisert som to sjølvstendige einingar der den andre bygger på den første.

Småskulesteget har elevar i alderen 6-10 år og eigenarten til steget vil stå i sentrum for studiet, men forhold om overgangar knytt til barnehagen og mellomsteget vil kome inn. Opplæringa på småskulesteget skal vere prega av tradisjonane frå barnehage og skule. Det skal leggjast vekt på å skape ein god overgang frå barnehagen til skulen der første året skal ha eit klart førskulepreg. Opplæringa skal vere tilpassa den einskilde elev og elevane skal ha høve til å arbeide både sjølvstendig og saman. Det skal leggjast vekt på verksemd i aldersblanda grupper. På småskulesteget skal det vere eit vekslende samspel mellom opplæring, leik og andre aktivitetar der læringa skal gi næring til leiken og leiken skal gi grunnlag for opplæringa. Praktisk arbeid, tema/prosjekt, sjølvstendig arbeid, fordjuping og formidling skal vere med på å realisere målsetjinga for opplæring og oppseding i småskulen.

### **OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE**

Vidareutdanninga er eit studietilbod for allmennlærarar og førskulelærarar. Studiet kan nyttast i den valfrie delen av allmennlærarutdanninga, men ikkje som fordjupingseining i grunnutdanninga for førskulelærar. Andre kan vurderast for opptak.

Studiet i pedagogisk arbeid på småskulesteget skal gi studentane kvalifikasjonar til å realisere måla for småskulesteget. Studiet er nær knytt opp mot intensjonane i L 97 med vekt på heilskap og samanheng, temaorganisering av innhald, leik og læring gjennom leik/leik som arbeidsmåte. Studentane skal lære å kjenne sin eigen funksjon som lærarar, og dei må tileigne seg kunnskap og dugleik dei treng som lærarar på småskulesteget. Arbeidsmåtene på småskulesteget krev at lærarane har stor kunnskap og dugleik i dei ulike faga. Det krev òg evne til didaktisk refleksjon, kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, samt kunnskap om planlegging, gjennomføring og vurdering av pedagogisk verksemd.

For at studiet skal gi rom for fordjuping, er det i rammeplanen gjort ei prioritering av fag/fagområde ut frå ei vurdering av kva som særmerker småskulesteget. Størst vekt er lagt på:

- førskuleprega aktivitetar, mellom anna leik
- lese-, skrive- og rekneopplæringa

- den estetiske dimensjonen

## MÅL

Med utgangspunkt i grunnutdanninga skal studentane gjennom vidareutdanninga tileigne seg auka kompetanse til å

- forstå eigenarten til småskulesteget sett i samanheng med barnehagen og resten av skulen, og få eit medvite og aktivt forhold til lærarrolla på dette steget
- samarbeide med heimen, skulefritidsordninga, barnehagen og mellomsteget om å gi barna eit læringsmiljø som er prega av omsorg som gir både utfordringar, tryggleik og hjelp til å førebyggje problem
- planleggje, leie og evaluere den pedagogiske verksemda med utgangspunkt i individuelt tilpassa opplæring til kvar enkelt elev og til klassen ut frå mål og retningslinjer som gjeld småskulesteget og dei ulike klassestega
- tilpasse sentrale fag og arbeidsområde til dei ulike klassestega
- til å velje mellom og kombinere fag- og temaorganisert opplæring og prosjektarbeid, pedagogisk verksemd i aldersblanda grupper, ulike måtar å organisere skuledagen på, og ulike typar leikemateriell og læremiddel
- leggje til rette for oppleving og utfolding, leik og utforskning, og å stimulere og støtte barna si utvikling og læring.

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Studiet er organisert som eit deltidsstudium med faste samlingar, og er basert på førelesingstema, kollokvia, studentaktive læringsformer og sjølvstudie. Studentane skal bli kjende med IKT som kommunikasjonsmiddel, verktøy og pedagogisk programvare.

Kvar student skal arbeide med ei arbeidsmappe som inneheld minst tre mindre arbeid. Hovudemne 3 skal vere representert i to arbeid, hovudemne 1 eller 2 skal vere representert i det tredje. Mappe-arbeida skal presenterast for faglærar og medstudentar. Studentane skal gjennomføre eit prosjektarbeid, og så langt råd er skal dette vere eit gruppearbeid der gruppa gjerne skal representere ulike kategoriar studentar som rekrutterer eininga; dette i tråd med rammeplanen som legg vekt på at allmenn- og førskulelærar skal lære å kjenne kulturen til kvarandre.

Prosjektarbeidet skal presenterast både gjennom ein skriftleg rapport og ved seminar. Det vert gitt nærare opplysningar om dette i semesterplanen. Studiet følgjer frammøterelementet til Høgskulen i Volda. Det er forventa frammøte til førelesingar, og førelesingar kan gjerast obligatoriske. I estetiske fagområde (hovudemne 4) er deltaking i førelesingar og i praktiske øvingar obligatorisk. Ein mindre sum materialpengar vert kravd.

Praksis er ein obligatorisk del av studiet. I studiet skal praksis ha eit omfang tilsvarande to veker. Det er opning for/ønskjeleg at studenten sin praksis vert knytt til prosjektarbeidet. Praksis kan omfatte både systempraksis, observasjonspraksis og eige arbeid med barn; praksis i skulefritidsordning skal inngå. Fagleg leiar for eininga skal godkjenne omfang og stad/er. Det vert gitt nærare informasjon ved semesterstart.

Studieevaluering og kvalitetssikring vil gå føre seg gjennom heile studiet.

Ved studiestart skal institusjonen og studenten skrive under på ein gjensidig forpliktande utdanningsplan som regulerer kva ansvar og plikter høgskulen har for studenten, og kva ansvar og plikter studenten har når det gjeld høgskulen og medstudentane.

## INNHALD

Etter rammeplanen er studiet bygd opp omkring fem hovudemne, alle tverrfaglege:

1. Barn i leik og læring
2. Rammevilkår. Planlegging, organisering og samarbeid
3. Språk, kommunikasjon og matematikk
4. Estetisk verksemd
5. Samhandling med nærmiljøet

### Hovudemne 1: Barn, leik og læring

Studentane skal gjennom teori og ved eigne erfaringar skaffe seg kunnskap om barns leik og læring. Studentane skal kunne sjå samanhengar mellom frie aktivitetar, leik og læring av skulefag. Dei skal kunne legge til rette eit fagleg miljø der leik vert sett i samanheng med lese- og skriveprosessar, matematikk, estetiske fag og anna verksemd.

Studentane skal verte i stand til å skape eit individuelt tilpassa læringsmiljø der det skal ligge til rette for oppleving og utvikling av skapartrøng, arbeid i aldersblanda grupper og organisering av innhald i tema/prosjekt. Studentane skal utvikle forståing for vaksenrolle i leik og sjølvstyrt aktivitet hos barn.

Delemne som står sentralt:

Teoriar om leik. Ulike perspektiv på leik. Leik på ulike alderssteg. Leik og læringsmiljø. Leik i sosialt perspektiv. Vaksenrolla i leiken. - Leik i skulen / leik i barnehagen. - Samanhengen mellom leik og fagleg arbeid. - Pedagogisk verksemd i aldersblanda grupper.

## **Hovudemne 2: Rammevilkår, planlegging, organisering og samarbeid**

Gjennom studiet skal studentane bli medvitne om det særeigne ved småskulesteget og lære å kjenne dei generelle yrkesfaglege så vel som dei meir spesifikke faglege tradisjonane både frå barnehagen og skulen. Dei skal få erfaring med lokale læreplanar med barnas interesser og det nære miljøet som utgangspunkt. Studentane må utvikle kompetanse i å samordne stoffet frå dei ulike fagplanane og legge opp ei fleksibel og føremålstenleg organisering av grupper og veksling mellom tema- og fagorganisert pedagogisk verksemd. Studentane skal kvalifisere seg i å kunne skape eit læringsmiljø som gir høve til opplevingar og som tar vare på og utviklar kreativitet og engasjement. Studentane skal lære seg å vurdere og bruke varierte læremiddel i dei ulike faga, og å samarbeide med aktuelle institusjonar i nærmiljøet.

Delemne som står sentralt:

Tradisjonen i barnehage og skule, likskap / forskjell. Lærarrolla på småskulesteget. - Ulike perspektiv på læreplanteori. - Temaarbeid i småskulen. Leik og læring. - Samarbeid mellom personalet i skulen. - Tilrettelegging av det fysiske miljøet for leik og læring.

## **Hovudemne 3: Språk, kommunikasjon og matematikk**

Språkutvikling og tileigning av språk i form av å snakke, lytte, skrive og lese står i ei særstilling på småskulesteget. Ved sida av verbalspråket spelar også matematikkens språk ein sentral rolle. Skrive, lese og rekne er sentrale ferdigheiter som eleven skal lære å tileigne seg gjennom småskuletida. Denne tileigninga bør skje gjennom leik og læring, der eleven samstundes får styrkt trua på seg sjølv og si eiga læreevne. Gjennom studiet av dette hovudemnet skal studentane lære korleis ein på ein allsidig måte kan leggje til rette for, stimulere og støtte opp om utviklinga av eit matematisk språk, av logisk tenking og av lese- og skriveevne. Kommunikativ kompetanse - utøvere - er her eit sentralt mål. Studiet må også vidareutvikle studentane si innsikt i kor viktig det er å sjå det enkelte barnet som individ og ta omsyn til barna sine individuelle behov. Eit pedagogisk bidrag under dette hovudemnet vil også vere å gi studentane innsikt i korleis ein gjennom arbeid med faga også lærer elevane noko om seg sjølve. Tidleg skulestart gjer det endå viktigare at arbeidet vert lagt opp slik at elevane får styrkt trua på seg sjølv og si eiga læreevne. Dei estetiske faga vil under dette hovudemnet gi studentane kjennskap til korleis dei kan nytte verkemiddel frå estetiske fag i tilknytning til språk- og matematikkopplæring; forteljing, dramatisering, rollespel, song, songleik, arbeid med lyd, komposisjon og dans, ulike aktivitetsformer innanfor kunst og handverk.

Delemne som står sentralt innafor norsk:

-Lesing og skriving: ferdigheiter i fare? Utvikling og diagnostisering av lese- og skriveevne. - Kva er lesing? Metodar og problem. - Skriveprosessen. Skrivepedagogiske utfordringar. Tilpassa opplæring og lese- og skrivevanskar. - Tekstskaping. Skriving og lesing som samhandling. - IKT og lese-/skriveopplæring, elektroniske læremiddel og spel for barn.

Delemne som står sentralt innafor matematikk:

Den munnlege språkutviklinga, samspelet med ikkje-verbale uttrykksformer og forholdet til utvikling av skrift, symbol og biletspråk som overgang til abstrakte system. - Ulike skrift- og symbolsystem. Talomgrep, talteikn, talsystem. Matematikk i framande kulturar. - Dei fire rekneartane. - Språk i tilknytning til geometri. - Munnleg forteljing, rekneforteljing, forteljing utan ord. - Kartlegging, analyse og vurdering av læremiddel i matematikk laga for steget. Leike- og arbeidsmateriell, IKT og andre teknologiske medium. - Tilpassa opplæring i skuleverket. - Vurdering og bruk av diagnostiske prøver. - Matematikk i dagleglivet og bruk av matematikk for å forstå verda omkring oss.

Delemne i engelsk:

Metode i teori og praksis.

## **Hovudemne 4: Estetisk verksemd**

Studentane skal verte medvetne om verdien av at elevar får møte tverrfaglege, integrerte kunstuttrykk og verte i stand til å legge til rette for ei opplæring der estetisk verksemd har stor plass. Dei skal ha kjennskap til kva plass rammeplanen for barnehagen gir estetisk verksemd for å sikre ein god progresjon på dette området vidare i skulen. Det er viktig at dei tileignar seg kunnskap slik at dei sjølve kan ta i bruk dei ulike uttrykksformene og verte gode modellar og kvalifiserte rettleiarar for barna. Gjennom studiet skal studentane få vidareutvikle dugleiken sin i høve

til dei ulike estetiske uttrykksformene. Hovudemnet omfattar musikk, drama, kunst og handverk.

Delemne som står sentralt innafor estetisk verksemd:

Praktisk arbeid med estetiske aktivitetsformer, arbeidsmåtar og organiseringsformer. - Utvikle evne til å legge til rette for tilpassa opplæring i estetiske fag. - Kunnskapar om barna si estetiske utvikling, leik og kreativitet. - Dei estetiske og praktiske faga sin plass i barnehagen og på småskulesteget med vekt på temaarbeid.

### **Hovudemne 5: Samhandling med nærmiljøet**

Det viktigaste målet for dette hovudemnet er å setje studentane betre i stand til å nytte nærmiljøet i den pedagogiske verksemda. Studentane skal lære seg å kartleggje, analysere og tolke nærmiljøet, slik at dei kan vite korleis det kan brukast til å utvikle barna sine kunnskapar, dugleikar og haldningar. Dei skal sjå korleis nærmiljøet kan gi inspirasjon til å lære om lokal historie og lokalt arbeidsliv og korleis nærmiljøet kan vere eit utgangspunkt for å lære å kjenne andre kulturar og levemåtar. Kjennskap til og respekt for ulike minoritetsgrupper er eit viktig mål for arbeidet i skulen. Studentane skal kunne legge til rette for leik og estetiske opplevingar i naturen og bli medvitne om det opplevings- og læringspotensiale som ligg i utemiljøet. Dei ulike faga vil under dette hovudavsnittet ha utgangspunkt i fleirfagleg arbeid i tilknytning til nærmiljøet. Hovudemnet vil verte knytt opp mot intensjonen om heilskap i barns oppvekst.

Delemne: Entreprenørskap - Nærmiljø.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

Det er to alternative former for eksamen, og dermed to alternativ av arbeidskrav som vilkår for å gå opp til eksamen.

#### Arbeidskrav i alternativ I; Mappeeksamen:

- 3 godkjende arbeid i mappe og frammøte på mappepresentasjonar
- Gjennomført praksis og godkjent refleksjonsrapport. Rapporten vert her det 4. arbeidet i presentasjonsmappa.
- Studentaktiv prosess. For kvart godkjent arbeid til mappe skal studentane arbeide vidare med stoffet og rettleie kvarandre i etablerte grupper à ca tre studentar. Gruppa gjennomfører minst to rettleiingar for kvart arbeid til kvar student. Dei fører loggbok som viser både frammøte til alle rettleiingar og innhaldet i desse. Loggboka skal følgje med innlevering til sensor; einskildstudentar kan underkjennast i gruppa.
- Prosjektarbeid (i gruppe) vurdert til bestått resultat av intern sensor

Obligatorisk frammøte til alle førelesingar etter reglementet for Høgskulen i Volda. Estetisk verksemd (hovudemne 4) utgjer ein separat obligatorisk bolc.

#### Arbeidskrav i alternativ II; 6 timers skriftlig, individuell skoleeksamen:

- 3 godkjende innlegg i arbeidsmappe, og frammøte på mappepresentasjonar
- Gjennomført praksis og godkjent refleksjonsrapport
- Prosjektarbeid (i gruppe) vurdert til bestått resultat av intern sensor
- Obligatoriske førelesingar i estetisk verksemd (hovudemne 4) etter reglementet ved HVO.

Studentane vil få utdelt kriterium for presentasjon/vurdering av mappe, refleksjonsrapport og prosjektarbeid. Innlevering av arbeid som gjeld som forprøver skal skje til avtalt frist og kan skje ein gong ordinært og ein gong ekstra. Obligatorisk praksis kan takast opp att ein gong med påfølgjande rapport levert til fastsett tid ein gong ordinært og ein gong ekstra.

### **EKSAMEN**

Eksamen kan gjennomførast etter to alternative ordningar : Studentar som ønskjer alternativ I må melde seg på til ein nærare fastsett dato, grunna krav til frammøte. Dei som ikkje er påmelde eller ikkje fyller krava til studentaktiv prosess nyttar alternativ II.

#### **Alternativ I:**

På eksamensdagen: Innlevering av presentasjonsmappe med fire innlegg der det blir *trekt ut eitt* til vurdering. Arbeidskrav som oppsett under alternativ I. Eksamen vert vurdert til bestått / ikkje bestått. Vurderingskriteria vert spesifiserte i eige skriv om mappe-eksamen.

**Alternativ II:**

Individuell skriftleg eksamen, 6 timar. Arbeidskrav som oppsett under alternativ II.

Eksamen vert vurdert til bestått / ikkje bestått.

I vurderinga av studentane skal det stillast krav om:

Kunnskap og innsikt på fagområde som er sentrale i eininga, evne til didaktisk refleksjon omkring særpreg ved arbeid på småskulesteget, med vekt på. progresjon i innhald og arbeidsmåtar, kunnskap og innsikt i tverrfagleg arbeid, tema- og prosjektarbeid, samt kunnskap om enkelteleven og den aktuelle aldersgruppa.

**LITTERATUR**

Pensumlitteratur følger ved studiestart.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen





- **PEDAGOGISK ARBEID PÅ SMÅSKULESTEGET 2, 30 STUDIEPOENG**
  - OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE
  - MÅL
  - ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER
  - INNHALD
    - Hovudemne 1: Barn, leik og læring
    - Hovudemne 2: Rammevilkår. Planlegging, organisering og samarbeid
    - Hovudemne 3: Språk, kommunikasjon og matematikk
    - Hovudemne 4: Estetisk verksemd
    - Hovudemne 5: Samhandling med nærmiljøet
  - VURDERING OG EKSAMEN
  - Eksamen
  - LITTERATUR

## PEDAGOGISK ARBEID PÅ SMÅSKULESTEGET 2, 30 STUDIEPOENG

Fagplanen bygger på rammeplanen Vidareutdanning i pedagogisk arbeid på småskulesteget, 10+10 vekttal, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdeparamentet, 1997. Studiet ved HVO er presentert som to sjølvstendige einingar, men desse kan også kombinerast over eitt studieår. Studentar som tek PAPS I og II på eitt studieår må for progresjonen sin del derfor ta begge einingane ved HVO.

Småskulesteget har elevar i alderen 6-10 år. Eigenarten til steget vil stå i sentrum for studiet, men forhold knytt til barnehagen og mellomsteget vil kome inn. Opplæringa på småskulesteget skal vere prega av tradisjonane frå barnehage og skule, første året skal ha eit klart førskulepreg og tilpassa opplæring er sentralt. Dette er prinsipp som er fastsett i læreplanen. Elevane skal ha høve til å arbeide både sjølvstendig og saman, og det skal leggjast vekt på verksemd i aldersblanda grupper. På småskulesteget skal det vere eit vekslende samspel mellom opplæring, leik og andre aktivitetar. Opplæringa skal gi næring til leiken og leiken skal gi grunnlag for opplæringa. Leik kan vere fantasi, utprøving, samhandling og eit naturleg grunnlag for fysiske, sosiale og intellektuelle utfordringar. Praktisk arbeid, prosjekt, sjølvstendig arbeid og fordjuping kan hjelpe til å realisere målsetjinga for oppseding og opplæring i småskulen.

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Vidareutdanninga er eit studietilbod for førskulelærarar og allmennlærarar. Studiet kan nyttast i den valfrie delen av allmennlærerutdanninga. Det er progresjon mellom dei to PAPS-einingane slik at andre byggjer på første. For å bli tatt opp på andre eining må studentane ha fullført den første, «5-10 års pedagogikk», el. l. etter tidlegare godkjende planar, eller ha opptak på PAPS I og II ved HVO.

Studiet i pedagogisk arbeid på småskulesteget skal gi studentane kvalifikasjonar til å realisere måla for småskulesteget. Dei må lære å kjenne sin eigen funksjon som lærar. Arbeidsmåtene i småskulen krev at læraren har stor kunnskap og dugleik i dei ulike faga. Det krevst òg evne til didaktisk refleksjon, kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, om planlegging, gjennomføring og vurdering av pedagogisk verksemd.

For at studiet skal gi fordjuping, er det gjort ei differensiering av fag/fagområde. Størst vekt ligg på:

- førskuleprega aktivitetar, mellom anna leik
- lese-, skrive- og rekneopplæringa
- den estetiske dimensjonen

## MÅL

Gjennom vidareutdanninga skal studentane tileigne seg auka kompetanse

- til å forstå eigenarten til småskulesteget sett i samanheng med barnehagen og resten av skulen, og få eit medvite og aktivt forhold til lærarrolla på dette steget
- til å samarbeide med heimen, skulefritidsordninga, barnehagen og mellomsteget om å gi barna eit individuelt tilpassa opplæringsmiljø som er prega av omsorg for utfordringar og tryggleik, og hjelp til å førebyggje problem
- til å planleggje, leie og evaluere ei tilpassa opplæring med utgangspunkt i føresetnadene til kvar enkelt elev, ut frå mål og retningslinjer som gjeld
- til å velje mellom og kombinere fag- og temaorganisert opplæring og prosjektarbeid, pedagogisk verksemd i aldersblanda grupper, ulike måtar å organisere skuledagen på, og ulike typar leikemateriell og læremiddel
- til å leggje til rette for oppleving og utfolding, leik og utforsking, og å stimulere og støtte barna si utvikling og læring
- tilpasse sentrale fag og arbeidsmåtar til dei ulike klassestega

## ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Studiet er organisert som eit deltidstudium med faste samlingar, og er basert på førelesingstema, kollokvier, studentaktive læringsformer og sjølvstudie. Studentane skal bli kjende med IKT som kommunikasjonsmiddel, verktøy og pedagogisk programvare. Høgskulen sitt frammøtereglement gjeld for eininga. Det er obligatorisk frammøte til alle praktiske øvingar og førelesingar i estetiske fag; ein mindre sum materialpengar vert kravd her. Studentstyrte seminar er også obligatoriske. Nærare informasjon om dette vert gitt i skriv ved studiestart.

Studieevaluering og kvalitetssikring skal gå gjennom heile studiet .

Studentane skal gjennomføre eit prosjektarbeid i gruppe. Interesse for eit problemfelt er det som primært samlar denne gruppa. Prosjektarbeidet skal presenterast i ein rapport og vil utgjere halvdelen av eksamen. I startfasen av prosjektarbeidet skal kvar student velje seg ei fagleg / teoretisk vinkling som gir relevans/ kontekstualisering av problemfeltet. Det vil gi eit bidrag inn til det felles prosjektarbeidet. Studenten arbeider vidare med dette stoffet og leverer eit individuelt, skriftleg arbeid som skal utgjere den individuelle delen av eksamen. I tillegg skal innhaldet presenterast for medstudentane i studentstyrte seminar/ sesjonar.

Praksis er ein obligatorisk del av studiet og skal ha eit omfang tilsvarande to veker. Arbeidet i praksisperioden kan knytast til prosjektarbeidet. I samråd med rettleiar frå høgskulen vel studentane fokus for observasjonar, intervju, utprøvingar, eller anna innsamling av materiale som kan gå inn i prosjektarbeidet. Det skal vere praksis i SFO.

Praksisstad/er og tid skal godkjennast av fagleg leiar. Det blir gitt nærare opplysningar ved studiestart.

Ved studiestart skal institusjonen og studenten skrive under på ein gjensidig forpliktande utdanningsplan som regulerer kva ansvar og plikter høgskulen har for studenten og kva ansvar og plikter studenten har når det gjeld høgskulen og medstudentane.

## INNHALD

Studiet er bygd opp omkring fem hovudemne, alle tverrfaglege

1. Barn, leik og læring
2. Rammevilkår. Planlegging, organisering og samarbeid
3. Språk, kommunikasjon og matematikk
4. Estetisk verksemd
5. Samhandling med nærmiljøet

### Hovudemne 1: Barn, leik og læring

Studentane skal gjennom teori og ved egne erfaringar skaffe seg kunnskap om barns leik og læring. Studentane skal kunne sjå samanhengar mellom leik, frie aktivitetar og læring av skulefag. Dei skal kunne legge til rette eit fagleg miljø der leik blir sett i samanheng med lese- og skriveprosessar, matematikk, estetisk og anna verksemd. Dei skal verte i stand til å skape eit læringsmiljø fundamentert på prinsipp om tilpassa opplæring i ein skule for alle.

Læringsmiljøet skal vere rikt på opplevingar, og leggast til rette for å utvikle elevane sin skapartrøng. Studentane skal kunne arbeide med aldersblanda grupper og organisere arbeidet som tema og prosjekt. Studentane skal utvikle forståing for den rolla den vaksne har i leik og sjølvstyrt aktivitet hos barn.

#### *Delemne som står sentralt:*

Utvida perspektiv på leik. - Innhald, arbeidsmåte og organisering av skulefritidsordning. - Leik/ rørsle/

sansomotorikk. - Læringsmiljø ved skulen og i klassen. Uterommet som læringsarena. - Tilpassa opplæring og spesialpedagogiske tiltak

## **Hovudemne 2: Rammevilkår. Planlegging, organisering og samarbeid**

Gjennom studiet skal studentane bli medvitne om det særeigne ved småskulesteget og lære å kjenne dei generelle yrkesfaglege så vel som dei meir spesifikke faglege tradisjonane både frå barnehagen og skulen. Dei skal få erfaring med lokale læreplanar med barnas interesser og det nære miljøet som utgangspunkt.

Studentane må utvikle kompetanse i å samordne stoffet frå dei ulike fagplanane og legge opp ei fleksibel og føremålstenleg organisering av barnegrupper og veksling mellom tema- og fagorganisert pedagogisk verksemd. Studentane skal kvalifisere seg i å kunne skape eit læringsmiljø som gir høve til opplevingar, og som tar vare på og utviklar kreativiteten og engasjementet til barna. Studentane skal lære seg å vurdere og bruke varierte læremiddel i dei ulike faga, og å samarbeide med aktuelle institusjonar i nærmiljøet.

### ***Delemne som står sentralt:***

Utforming av individuelle læreplanar. - Ulike perspektiv på planlegging. - Leike og arbeidsmateriell. Vurdering og bruk av læremiddel. - Barnehage og skuletradisjon knytt til fag. - Lærarrolla og samarbeid på småskulesteget.

## **Hovudemne 3: Språk, kommunikasjon og matematikk**

Språkutvikling og tileigning av språk i form av å snakke, lytte, skrive og lese står i ei særstilling på småskulesteget. Ved sida av verbalspråket spelar også matematikkens språk ei sentral rolle. Gjennom småskuletida er det sentralt at barna skal lære seg å skrive, lese og rekne. Denne tileigninga bør skje gjennom leik og læring, der barnet samstundes får styrkt trua på seg sjølv og si eiga læreevne.

Gjennom studiet av dette hovudemnet skal studentane lære korleis ein på ein allsidig måte kan leggje til rette for, stimulere og støtte opp om utviklinga av eit matematisk språk, av logisk tenking og av lese- og skrivedugleik. Kommunikativ kompetanse - utøvarevne - er her eit sentralt mål. Studiet må også vidareutvikle studentane si innsikt i kor viktig det er å sjå det enkelte barnet som individ og ta omsyn til barna sine individuelle behov. Eit pedagogisk bidrag under dette hovudemnet vil også vere å gi studentane innsikt i korleis ein gjennom arbeid med faga også lærer barna noko om seg sjølve. Tidleg skulestart gjer det endå viktigare at arbeidet blir lagt opp slik at elevane får styrkt trua på seg sjølve og si eiga læreevne. Dei estetiske faga vil under dette hovudemnet gi studentane kjennskap til korleis dei kan nytte verkemiddel frå estetiske fag i tilknytning til språk- og matematikkopplæring; forteljing, dramatisering, rollespel, song, songleik, arbeid med lyd, komposisjon og dans, ulike aktivitetsformer innanfor kunst og handverk.

### ***Delemne som står sentralt i norsk:***

Elevtekster: Rettleiing og vurdering. - Norsk som morsmål og norsk som andrespråk, tospråklege barn. - Praktisk språkbruk; kva er godt språk? - Norsk barnelitteratur: utviklingslinjer og tendensar. - Litteraturpedagogikk.

### ***Delemne som står sentralt innafor matematikk:***

Matematikk i leik, spel, rim, reglar og eventyr, og leik som metode i matematikk. Leik og læring med IKT og andre teknologiske medium.- Historie og gjeldande retningslinjer. Moment frå matematikkhistoria.- Tilpassa opplæring.- Barn som treng ekstra hjelp og støtte til matematikk, oppbygging av kompetanse og sjølvoppfatning. - Matematiske symbol.- Det matematiske symbolspråket, vidareutvikling av naturleg språk.- Tekstoppgåver i matematikk. Formulering av matematisk tankegang. - Problemløysing som gjennomgåande arbeidsform i matematikk. - Statistikk, personleg økonomi, familieøkonomi og samfunnsøkonomi.

## **Hovudemne 4: Estetisk verksemd**

Studentane skal under dette hovudemnet få kunnskap om og erfaring med ulike former for estetisk verksemd; kunstoppleving og kunstuttrykk innan musikk, teater, biletkunst, og litteratur. Dei skal lære noko om kunst- kulturformidling og kunstfagleg arbeid generelt, og dei skal få kjennskap til ein del sentrale kunstverk som høver for barn på småskulesteget. Hovudemnet omfattar musikk, drama, kunst og handverk. Delemne som står sentralt innafor estetisk verksemd:

Kunsthaga sin pedagogiske tradisjon. Metodiske straumdrag, ulike undervisningsformer.- Korleis formidle kunst til barn.- Kunstfagleg prosjektarbeid

## **Hovudemne 5: Samhandling med nærmiljøet**

Det viktigaste målet for dette hovudemnet er å setje studentane betre i stand til å sjå samanhengen mellom skule / skulefritidsordning, heim og nærmiljø, og nytte nærmiljøet i den pedagogiske verksemda. Studentane skal lære seg å

kartleggje, analysere og tolke nærmiljøet, slik at dei kan vite korleis det kan brukast til å utvikle barna sine kunnskapar, dugleikar og haldningar. Dei skal sjå korleis nærmiljøet kan gi inspirasjon til å lære om lokal historie og lokalt arbeidsliv og korleis nærmiljøet kan vere eit utgangspunkt for å lære å kjenne andre kulturar og levemåtar. Kjennskap til og respekt for ulike minoritetsgrupper med ulik kultur og religion er viktig for arbeidet i skulen. Dei ulike førelesarane vil under dette hovudemnet ta utgangspunkt i tema og fleirfagleg arbeid i tilknytning til nærmiljøet.

## VURDERING OG EKSAMEN

### *Vilkår for å gå opp til eksamen*

Alle arbeidskrav/forprøver skal vere godkjende for å gå opp til eksamen. Desse er:

- Frammøte på obligatoriske førelesingar/ praktiske øvingar i estetiske fag.
- Frammøte på minst halvdel av førelesingane utanom dei i estetiske fag.
- Deltaking på minst fem studentstyrte seminar.
- Gjennomført praksis med godkjend refleksjonsrapport.

Dei som tek PAPS I og II på eitt år må også fylle arbeidskrav / forprøver som gjeld PAPS I for å gå opp til eksamen. Studentane får utdelt kriterium for vurdering av refleksjonsrapport. Innlevering av arbeid som gjeld som forprøve skal skje til avtalt frist og kan skje ein gong ordinært og ein gong ekstra. Ved resultat ikkje godkjent kan det gjerast eitt nytt forsøk på å gjennomføre praksis med innlevering av rapport til avtalt tid ein gong ordinært og ein gong ekstra.

## EKSAMEN

Eksamen for Pedagogisk arbeid på småskulesteget 2 utgjer to sjølvstendige delar:

1. Tverrfagleg prosjektarbeid.
2. Eit skriftleg, individuelt arbeid

Desse skal evaluerast etter ein skala frå A til E for bestått og F for ikkje bestått. Ved samanslåing til endeleg resultat skal dei to karakterane telje likt; eksamensreglementet fastset reglar for samanslåing. For studentar som tek PAPS I og II same studieår vert det skrive ut felles vitnemål for dei to einingane, men vitnemål for PAPS I kan også skrivast ut separat.

Krav ved vurdering av individuelt arbeid og prosjektarbeid vert delt ut på eige skriv.

## LITTERATUR

Pensumlitteratur følgjer ved studiestart.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [\*\*SAMFUNNSFAG 1, 30 STUDIEPOENG\*\*](#)
  - [MÅLGRUPPE](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL OG MÅLOMRÅDE](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. Historie](#)
    - [2. Geografi](#)
    - [3. Samfunnskunnskap](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)
    - [1. Historie:](#)
    - [2. Geografi:](#)
    - [3. Samfunnskunnskap:](#)

## SAMFUNNSFAG 1, 30 STUDIEPOENG

Fagplanen er basert på Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærer-utdanning, fastsett 1.07.99 av Kyrkje, - utdannings- og forskingsdepartementet.

### MÅLGRUPPE

Lærarstudentar, lærar i grunnskule og vidaregåande skule og andre som kan tenkje seg å undervise om og arbeide med samfunnsspørsmål i ulike samanhengar.

### OPPTAKSKRAV

Generell studiekompetanse eller realkompetanse

### MÅL OG MÅLOMRÅDE

Samfunnsfag 1 siktar, på same måte som Samfunnsfag 2, primært mot undervisning i grunnskulen. Studiet går inn i fjerde året i allmennlærerutdanninga, men kan også takast som ei frittstående eining.

Dei generelle måla for dei to studieeinjingane i samfunnsfag er felles.

Sjå rammeplan for allmennlærerutdanning pkt. 3.13.

### INNHALD

Samfunnsfag 1 er organisert etter tre målområde med ei slik arbeidsfordeling:

- Historie 12 studiepoeng
- Geografi 9 studiepoeng
- Samfunnskunnskap 9 studiepoeng

#### 1. Historie

Mål for målområdet historie, sjå rammeplanen s. 161.

Studiet er bygd opp omkring seks emne:

- vikingtid og høgmellomalder
- bustad og byggeskikk som døme på eit lengdesnitt
- mellomkrigstida
- 2. verdskrig som døme på fordjuping og vendepunkt
- palestina konflikten som døme på ein regional konflikt
- arbeidet med historiedidaktikk.

## 2. Geografi

Mål for målområdet geografi, sjå rammeplanen s.162.

Studiet tek utgangspunkt i ei innføring om geografifaget si utvikling som vitskapsfag og skulefag. Hovedemna vidare vert:

- kart, statistikk og andre geografiske kjelder, bruk av IKT
- naturgeografi, geologi og klimatologi
- samfunnsgeografiske emne og fagdidaktiske problemstillingar

## 3. Samfunnskunnskap

Studentane skal kunne:

- gjere greie for sentrale samfunnsprosessar som produksjon, fordeling, sosialisering og regulering
- gi døme på ulike politiske system, strukturar og institusjonar med vekt på makt og avmakt i ulike sosiale lag og folkegrupper

For meir utfyllande omtale, sjå rammeplanen s.164

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Dei ulike målområda stiller krav om varierte arbeidsmåtar som bruk av offentleg statistikk, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, kjeldekritisk metode og bruk av media.

Studentane skal levere 3 skriftlege arbeid gjennom studieåret, eitt i kvar fagdisiplin.

## TILPASSA OPPLÆRING OG SAMFUNNSFAG

Tilpassa opplæring er eit sentralt omgrep i norsk grunnskule. Det betyr at alle elevar har krav på undervisning tilpassa egne interesser, anlegg og føresetnader. Dette krev arbeidsformer der elevane er aktive, sjølv stiller spørsmål og søker kunnskap og rettleiing frå ulike kjelder. Gjennom samfunnsfagstudiet siktar vi mot å bygge opp studentane sin kompetanse til å organisere undervisning med desse arbeidsformene

## STUDIEEVALUERING

Gjennom kontaktorgana skal det i løpet av studieåret vere kontinuerleg drøfting mellom studentar og lærarar om prioritering innanfor fagplanen, undervisnings-former, tilhøvet mellom undervisning og sjølvstudium og prosedyrer for studieevaluering og fagkritisk arbeid.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane må ha fått godkjent dei tre skriftlege arbeida som skal leverast gjennom året for å kunne gå opp til skriftleg eksamen. Ei samla vurdering av desse tre arbeida og ein skriftleg 6 timars eksamen utgjer grunnlaget for den endelege karakteren i Samfunnsfag 1. Ved fastsetjing av endeleg karakter vert dei to delane vekta likt.

## PENSUM

### 1. Historie:

Vikingtid, høgmellomalder og svartedauden

Sigurdsson, Jon Vidar: Norsk historie 800-1300. Samlaget 1999, side 9-223

Bustad og byggeskikk.

Indresøvd, Eivind (red.): Bustad og byggeskikk Kompendium. 60 sider.

Mellomkrigstida

Furre, Berge: Norsk historie 1914-2000. Samlaget 2000. Side 32-97

2. verdskrig

Melle, Oddbjørn: Okkupasjonstid. Ein femårsperiode i norsk historie 1940-45. Høgskulen i Volda/Møreforskning.

Ein internasjonal konflikt

Bender, J.: Palæstinaproblemet. Fra krig mod fred. Gyldendal Undervisning. København 1999.

Historiedidaktikk

Lund, Erik; Historiedidaktikk for klasserommet. U-forlaget.

## **2. Geografi:**

Skjeset, Steinar: Norge vert til. Schibstedt. Oslo 1996

Pedersen, Finn: Klimatologi (28 sider) og Norges klima (12 sider) Kompend.

Østerås, Tore: Innføring i kvartærgeologi.( side 7-58) Kompendium

Nystad/Solerød: Samfunnsgeografi. Gyldendal 1997. (200 sider)

Vik, Norleif (red.): Kompendium om geografi og fagdidaktikk. (ca 50 sider)

## **3. Samfunnskunnskap:**

Eriksen, T.H. og Sørheim, T.A.: Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge. Ad Notam Gyldendal 1999. Kapittel 1-7, 9-12, 16.

Rønning, Rolf; Vårt politiske Norge. Fagbokforlaget. Side 11-265.

Koritzinsky, Theo; Fagdidaktisk innføring i samfunnskunnskap. U-forlaget.

Atterhald om endringar m.o.t. pensumslitteratur.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [SAMFUNNSFAG 2, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [MÅLGRUPPE](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL OG MÅLOMRÅDE](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. Historie](#)
    - [2. Geografi](#)
    - [3. Samfunnskunnskap](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)
    - [1. Historie](#)
    - [2. Geografi](#)
    - [3. Samfunnskunnskap](#)

## SAMFUNNSFAG 2, 30 STUDIEPOENG

Fagplanen er basert på Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærer-utdanning, fastsett 1.07.99 av Kyrkje, - utdannings- og forskingsdepartementet.

### MÅLGRUPPE

Lærarstudentar, lærarar i grunnskule og vidaregåande skule og andre som kan tenkje seg å undervise om og arbeide med samfunnsspørsmål i ulike samanhengar

### OPPTAKSKRAV

Generell studiekopetanse eller realkompetanse

### MÅL OG MÅLOMRÅDE

Samfunnsfag 2 byggjer på Samfunnsfag 1 eller tilsvarende kunnskap. Studiet gir større breidde og djupn både fagleg og didaktisk.

Sjå elles mål for historie, geografi og samfunnskunnskap i Rammeplanen for allmennlærerutdanning kap.3.13

### INNHALD

Samfunnsfag 2 er organisert etter tre målområde med ei slik arbeidsfordeling:

- Historie 18 studiepoeng
- Geografi 6 studiepoeng
- Samfunnskunnskap 6 studiepoeng

#### 1. Historie

Studiet er bygt opp kring seks emne:

- norsk historie frå 1800- og 1900-talet
- russisk historie med revolusjonen og Sovjetunionens fall som døme på vendepunkt
- internasjonal historie i etterkrigstida med den kalde krigen som lengdesnitt og som døme på eit tema som har



blitt tolka ulikt

- afrikansk historie som regional fordjuping (i samarbeid med geografidelen)
- lengdesnittemnet sjukdom og helse gjennom tidene;
- fagdidaktikk.

## 2. Geografi

Studiet er bygd opp omkring fylgjande emne:

- Region Afrika i eit globalt perspektiv

Geografi er regifag til regionstudiet Afrika, men også historie har undervisning og pensum knytt til emnet.

Studiet tar til med ei innføring i Afrikas naturgeografi, ressursar og miljø. På denne bakgrunnen vil ein studere miljø-og utviklingsproblem i verdsdelen med vekt på utvalde land.

Fagdidaktikk og metodikk knytt til Afrikas geografi og det globale perspektivet i undervisninga er vesentlege mål i arbeidet med emnet.

Det kan bli arrangert ei studiereise for studentar som har høve til å delta og som utfører prosjektarbeid knytt til reisemålet. Ei studiereise på minimum 4 veker vil å så fall kvalifisere for lån og stipend frå Statens Lånekasse.

## 3. Samfunnskunnskap

Studentane skal kunne:

- gjere greie for sentrale samfunnsprosessar som produksjon, fordeling, sosialisering og regulering

- gi døme på ulike politiske system, strukturar og institusjonar med vekt på makt og avmakt i ulike sosiale lag og folkegrupper

For meir utfyllande omtale, sjå rammeplanen s. 164

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Dei ulike målområda stiller krav om varierte og aktive arbeidsmåtar som bruk av offentleg statistikk, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, kjeldekritisk metode og bruk av media.

Studentane skal lever eitt større skriftleg arbeid gjennom studieåret.

## TILPASSA OPPLÆRING OG SAMFUNNSFAG

Tilpassa opplæring er eit sentralt omgrep i norsk grunnskule. Det betyr at alle elevar har krav på undervisning tilpassa egne interesser, anlegg og føresetnader. Dette krev arbeidsformer der elevane er aktive, sjølve stiller spørsmål og søker kunnskap og rettleiing frå ulike kjelder. Gjennom samfunnsfagstudiet siktar vi mot å bygge opp studentane sin kompetanse til å organisere undervisning med desse arbeidsformene

## STUDIEEVALUERING

Gjennom kontaktorgana skal det i løpet av studieåret vere kontinuerleg drøfting mellom studentar og lærarar om prioritering innanfor fagplanen, undervisnings-former, tilhøvet mellom undervisning og sjølvstudium og prosedyrer for studieevaluering og fagkritisk arbeid.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane må ha fått godkjent det skriftlege arbeidet som skal leverast gjennom studieåret for å kunne gå opp til skriftleg eksamen. Vurdering av dette skriftlege arbeidet og ein skriftleg 6 timars eksamen utgjer grunnlaget for den endelege karakteren i Samfunnsfag 2. Ved fastsetjing av endeleg karakter vert dei to delane vekta likt.

## PENSUM

### 1. Historie

Norsk historie

Danielsen, R. m.fl.: Grunntrekk i norsk historie. Universitetsforlaget:182-261.

Nerbøvik, J.: Norsk historie 1860-1914. Det Norske Samlaget 1999:10-84.

Furre, B.: Norsk historie 1914-2000. Det Norske Samlaget 2000:119-367.

Russisk historie

Etge, Å.: Fra Alexander II til Boris Jeltsin. Universitetsforlaget 1993: 47-293.

Verdshistorie

Lundestad, Geir: Øst, vest, nord, sør. Hovedlinjer i internasjonal politikk etter 1945. Universitetsforlaget 2000.

Afrikansk historie

Balsvik, R.R.: «Historisk tilbakeblikk», i: Stenseth, N.Chr. (red.): Afrika - natur, samfunn og bistand. Ad Notam Sjukdom og helse gjennom tidene  
Indresøvd, E. (red.): Helse og sjukdom. Kompendium. Høgskulen i Volda.  
Scott, J.: Medicine Through Time. Collins Educational. Edinburgh 1990:6-89, 102- 173.  
Didaktikk  
Lund, E.: Historiedidaktikk for klasserommet

## **2. Geografi**

Region Afrika

Stenseth, N.Chr. (red.): Afrika - natur, samfunn og bistand. Gyldendal 1995 200 s.  
NORAD: Årsrapport og 2. UNDP: Human Developm.Report. tils. 50 s.  
Nystad-Solerød: Samfunnsgeografi. Gyldendal 1997, s. 202-260  
Vik, Norleif : Afrika. Naturressursar og miljø. Studiehefte i naturgeografi. HVO 2000 50 s.  
Vik, Norleif (red.): Frå: Alternativ 1/85 Kenya-heftet og Sudan-heftet 1980. Kompendium i fagdidaktikk. (Utdrag )50 s.

## **3. Samfunnskunnskap**

Østerud, Ø.: Invitasjon til statsvitenskap. Oslo: Univ.forl. 1996.  
Østerberg, Dag og Engelstad, Fredrik: Samfunnsformasjonen, kap. 1, 5, 6, 7, 8, 10, 12, 13. Oslo:Pax 1995

Atterhald om endringar m.o.t. pensumslitteratur.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [SPESIALPEDAGOGIKK - 1. AVD., VOLDA OG ÅLESUND, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [Generelt](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [LITTERATURLISTE](#)

## SPESIALPEDAGOGIKK - 1. AVD., VOLDA OG ÅLESUND, 30 STUDIEPOENG

### Generelt

Det er i møte med kvardagen at funksjonshemminga og/eller lærevansken kjem til uttrykk. Lærevansker kan ikkje berre sjåast på som eit individuelt handikapp. Som spesialpedagog vil ein inneha viktige posisjonar der oppgåvene er å realisere samfunnets mål om normaliserte levekår for menneske med lærevanskar.

Perioden etter 1975, då grunnskolelova og specialscolelova vart samanslått til ei lov, og fram til i dag, har vore prega av store endringer. Vi har i Norge fått fleire Stortingsmeldingar og reformer, lover og foreskrifter som på ulike måtar har fått konsekvensar for menneske med spesielle behov og som derfor må sjåast i samanheng.

Alle reformene er tufta på prinsippa om normalisering, integrering og inkludering, og enkeltmenneske sin rett til full deltaking innafor dei ulike samfunnsområda. Denne forankringa medfører ei utvikling frå segregerte til integrerte tilbod og dermed også ei utviding av det ein tradisjonelt har sett på som spesialpedagogiske oppgåver i barnehage og skole.

Ein har som spesialpedagog i dag behov for ein breiare tverrdisiplinær basis enn den gong spesialpedagogiske arbeidsformer direkte var knytte til spesiell undervisning eller behandling av barn/elevar med spesielle vanskar og/eller funksjonshemmingar. I dag er ikkje kunnskap om individuelle vanskar tilstrekkeleg for å forstå problematikken i si fulle breidd. Det er samstundes behov for å få auka kunnskapar om konsekvensane av ulike organisasjonsmessige forhold i barnehagen/skolen, innhaldet i tilbodet/undervisninga, arbeidsmetodar etc. Spesialpedagogiske oppgåver vil i framtida i større grad handle om opplæringsprogram som inkluderer heile situasjonar der spesialpedagogen vert involvert i fagfellesskap både med planlegging og gjennomføring av tiltak på basis av tverrfagleg forståing.

1.avdeling er lagd opp etter rammeplan for 1/2-årseining i spesialpedagogikk (Lærarutdanningsrådet 1990). Det er ei målsetting at studiet skal gi studentane innsikt i og forståing for sentrale område innafor spesialpedagogikk. Studiet skal legge grunnlaget for vidare studiar på 2. og 3.avdeling nivå.

### Opptakskrav og kompetanse

Opptaksgrunnlaget til halvårstudninga i spesialpedagogikk etter ny studieordning skal til vanleg vere 3-årig førskulelærer- eller allmennlærarutdanning etter studieplanane frå 1980, eller lærarutdanning der spesialpedagogiske emne tilsvarande ei halvårseining er innarbeidd i fagplanen, eller første halvårseining i spesialpedagogikk etter gammal ordning. Studiet kan inngå i ei 4-årig allmennlærarutdanning (Rammeplan for allmennlærarutdanningen" (1998), og bygger på eksamen i pedagogisk teori og praksis. Studentar med 3-årig sosial- eller helsefagleg

høgskuleutdanning og praksis kan også få studieplass etter særskild vurdering.

Eininga gir kompetanse tilsvarende 1. avdeling. Det spesialpedagogiske studiet fram til 1. avdelings nivå tar særleg sikte på å gi studentane ei utdanning som set dei betre i stand til å løyse spesialpedagogiske oppgåver i skule/barnehage. Utdanninga vil bygge på eit heilskapssyn som tilseier at ein vil legge vekt både på individ-, organisasjons- og samfunnsplan. I spesialpedagogisk tenking og praksis er ein opptatt av tilhøvet mellom tilpassa opplæring og særskilt tilrettelagt opplæring, og på tilhøvet mellom førebygging eller behandling. I utdanninga ved HVO vil ein særleg legge vekt på førebyggjande tiltak og tiltak som kan fremje eit ikkje-segregerande samfunn.

## MÅL

Utdanninga skal gi fagkunnskapar og haldningar, og gjere studentane betre rusta til å meistre spesialpedagogiske arbeidsoppgåver i barnehage og skule. Utdanninga skal bu studentane til å kunne planlegge og gjennomføre førebyggjande tiltak på det spesialpedagogiske arbeidsfeltet. Studiet skal utvikle sjølvstende, evne til kritisk tenking og vurdering og evne til samarbeid. Utdanninga skal gje studentane innsikt i nye metodar for undervisning og tilpassa opplæring og kunnskap om IKT som verkty for tilpassa opplæring og spesialundervisning.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

For deler av studiet er det krav om obligatorisk deltaking. Dette gjeld innføringskurs og oppgåvekurs. I tillegg vert kurs i rettleiing (veiledning) og observasjon/kartlegging obligatorisk. Det er ein føresetnad at studentane er aktive i kollokviegrupper og seminar. Det vert førelesningar over hovudtema, men i samråd med studentgruppa kan andre tema takast opp. Studentaktivitet er ein viktig føresetnad for ei vellukka gjennomføring av studiet.

### *Studierettleiing (-veiledning) og fagkritisk arbeid*

Det vil bli lagt vekt på eit kontinuerlig samarbeid med studentane der ein evaluerer både innhald og undervisningsformer. Evaluering og fagkritisk arbeid gjennomførast minimum to gonger pr. semester. Evalueringsform vert avtalt ved studiestart.

### *Prosjektoppgåve og prosjektpraksis*

Ein sentral del i studiet er skriving av prosjektoppgåve i gruppe. Her har studentane høve til å gå djupare inn i fagområde spesialpedagogikk og problemstillingar knytt til praksisfeltet. I samband med prosjektoppgåva skal det gjennomførast praksis i form av observasjon, institusjonsbesøk, feltstudie eller feltarbeid. Den samla praksistida i samband med prosjektoppgåva skal være minimum 2 veker. Det skal leverast ein rapport om praksisdelen på ca 3 sider. Prosjektpraksis skal være knytt til gruppa sitt val av tema/problemstilling. Prosjektoppgåva er eit arbeid som går gjennom heile studiet med levering i april/mai. Kvar gruppe får ein rettleiar. Prosjektoppgåva skal være på 35 - 45 sider. Prosjektoppgåve vil ha ein sentral plass i den avsluttande munnlege eksamen. Fagansvarleg skal godkjenne problemstilling. Nærare retningslinjer for arbeidet med prosjektoppgåva blir gitt på det obligatoriske oppgåvekurset. Prosjektarbeidet og prosjektpraksis er obligatorisk.

Teieplikt: Studentane har teieplikt i samband med prosjektpraksis.

## INNHALD

Studiet er delt inn i tre temaområde. Innhaldet i dei ulike tema kan verte utvida i samråd med studentgruppa. Eit viktig mål for studiet er at studentane skal ha kjennskap til utviklinga frå ein segregerande til ein inkluderande skule. Likeins eit ein skal kunne utvikle evne til refleksjon og kritisk vurdering av tiltak og organisering innafor det spesialpedagogiske område både i førskule, grunnskule og vidaregåande skule. Studiet vert også valt av studentar med anna fagleg bakgrunn og arbeidsområde. Det er ein føresetnad at ein i studiet kan klare å innlemme tema og drøftingar til ulike arbeidsområde i vårt samfunn.

### *Hovudtema 1: Administrative og organisatoriske perspektiv*

Emnet tek sikte på å gi studentane kunnskap om og innsikt i tema som er knytt til utviklinga av faget og den utviklinga som har skjedd i barnehage, skule og samfunn når det gjeld synet på menneske med funksjonshemming :

- Historisk perspektiv på:

- o Spesialpedagogikk
- o skule/barnehage
- o normalisering

- Tilpassa opplæring og spesialundervisning  
- Lov og regelverk

- Kommunal forvaltning
- Tverretatleg samarbeid
- Kunnskap om spesialpedagogisk FOU-arbeid

### **Hovudtema 2: Lærevanskar - funksjonsvanskar**

Emnet tek sikte på å gi studentane kunnskap om og innsikt i ulike vanskar som barn/unge kan ha i møte med skule og barnehage og samfunn. Det er også viktig innafor dette emnet å gi studentane innsikt i omgrepet funksjonshemma, årsaker og konsekvensar:

- ulike funksjonsvanskar og konsekvensar for utvikling og læring.
- Lese-/skrivevanskar
- språkvanskar
- Matematikkvanskar
- Generelle lærevanskar/psykisk utviklingshemming
- Sosiale/emosjonelle-/åtferdsvanskar

### **Hovudtema 3: Spesialpedagogiske arbeidsmåtar og metodikk**

Emnet tek sikte på å gi studentane kunnskap om og innsikt i kva det vil sei å drive spesialpedagogisk arbeid. Korleis kartlegge vanskar og korleis organisere tiltak for å kunne ivareta elevens behov og intensjonane om eit inkluderande samfunn. Dette hovudtema vil også sette fokus på nye prosjekt innafor spesialpedagogikk:

- Førebyggjande tiltak
- Individuelle opplæringsplanar
- Innsikt og dugleik i observasjon som hjelpemiddel i funksjonskartlegging. Bruk av diagnostisk materiell.
- Innsikt i fagleg og tverrfagleg arbeid.
- Bruk av IKT i spesialundervisning og tilpassa opplæring
- Ulike organisatoriske modellar
- Samarbeid med foreldre/føresette til barn med funksjonshemming.
- Rettleiing.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### **Vilkår for å gå opp til eksamen**

- Den som skal få gå opp til eksamen må vere tatt opp som student ved det spesialpedagogiske studiet.
- Studenten må ha deltatt i dei obligatoriske delane av studiet.
- Studentane skal delta i studentstyrte seminar, der prosjektoppgåve vert framlagt.

### **Eksamen består av to sjølvstendige delar:**

1. Prosjektoppgåve
2. Individuell munnleg eksamen. Denne tek utgangspunkt i prosjektoppgåva og i tema frå studiet. Vilkår for å gå opp til munnleg eksamen er at prosjektoppgåva er levert og godkjent.

### **Samla vurdering:**

Det skal settast ein samla karakter. Dei to delane skal ha lik vekting.

## **LITTERATURLISTE**

Det kan bli endringer i litteraturlista. Pensum vil bli nærmare definert. I tillegg til oppførte pensumbøker vil innhaldet i forelesingane, utdelt artikkelstoff og stensilar kome som tillegg til pensum.

Austad, Ingolv (red.). (1993). *Lese- og skrivevansker i den videregående skole*. Cappelen.

Befring, E. (1997). *Oppvekst og læring*. Samlaget Oslo, kap. 1, 7, 9, 10.

Bjørnsrud, H. (1999). *Den inkluderande skulen*. Unversitetsforlaget.

Borgå, M. og Melby, T. (1983). *Likeverd -livskvalitet- opplæring. For ungdom med særlige behov*. Ad Notam, Gyldendal.

- Brøyn, Tore, Schultz, Jon-Kåre (red). (1999). *IKT og tilpasset opplæring*. Tano Aschehoug.
- Eckhoff, Nils (1997). *Elever med generelle lærevansker*. ad Notam Gyldendal, Oslo, kap.1- 4, 8.
- Ekeberg T.R. & Homberg J.B. (2000). *Tilpasset opplæring og spesialpedagogisk arbeid i skolen*. Tano Aschehoug.
- Grønli, Sissel M. (1995). *Når noen ikke hører*. Døves Forlag.
- Haug, P. (red.) (1995). *Spesialpedagogiske utfordringer*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Haug, P. (1999). *Spesialundervisning i grunnskulen. Grunnlag, utvikling og innhold*. Utdanningsvitenskaplig serie. Abstrakt forlag.
- Helgeland, I. M. (red). (1994). *Utfordrende ungdom i skolen*. Kommuneforlaget.
- Holmberg J.B. & Lyster S.H. (1997). *Spesialpedagogiske arbeidsmåter*. Ad Notam Gyldendal.
- Høien, T. & Lundberg, I. (1997). *Dysleksi. Fra teori til praksis*. ad Notam/Gyldendal, Oslo.
- Høigård, Anne (1999). *Barns språkutvikling muntlig og skriftlig*. Tano Aschehoug.
- Høines, M. (1997). *Begynneropplæring i matematikk*. Caspar Forlag, Bergen.
- Iglum, Lisbeth (1997). *Kan de ikke bare ta seg sammen*. ad Notam Gyldendal, kap. 1, 2, 3, 8, 9 og 10.
- Jerlang, E. (red.) (1993). *Utviklingspsykologiske teorier*. Gyldendal Norsk Forlag.
- Jonson, L. (1993). *Mennesker med psykisk utviklingshemming*. NKS-forlaget, Oslo, kap. 2- 4.
- Kadesjø, Bjørn (1993). *Barn med konsentrasjonsproblemer*. Pedagogisk Forum.
- Kristiansen, K. (1993). *Verdsetting av Sosiale Roller*. Kommuneforlaget, Oslo.
- KUF St. meld. nr. 23, 1997-98 *Om opplæring av barn, unge og voksne med særlege behov*.  
L-97 Generell del.
- Nordahl, T. & Overland, T. (1997). *Individuelle opplæringsplanar. Tilpassa opplæring i ein inkluderande skule*. ad Notam/Gyldendal, Oslo.
- Ogden, T. (1990). *Atferdspedagogikk i teori og praksis*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Opplæringslova.
- Eck, O. Rakstang & Rognhaug, B. (red.) (1993). *Spesialpedagogikk i førskolealder*. Tano, Oslo, kap. 3,6-8.
- Sjøvoll, Jarle (1998). *Matematikkvansker, tilpasset opplæring i matematikk*. Ad Notam Gyldendal.
- Skaalvik & Skaalvik (1993). *Barns selvoppfatning - skolens ansvar*. Tano, Oslo.
- Skaalvik & Fossen (1995). *Tilpassing og differansiering*. Kap.1- 8. Tapir, Trondheim.
- Tøssebro, Jan (1997). *Den vanskelige integreringa*. Universitetsforlaget, Oslo.

**Litteraturlista er ikkje endeleg og kan verte endra.**

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [SPESIALPEDAGOGIKK 2. AVDELING, 60 STUDIEPOENG](#)
  - [MÅL FOR STUDIET](#)
  - [INNHALD](#)
    - [HOVUDOMRÅDE 1: SAMFUNN - INSTITUSJON - PROFESJON](#)
    - [HOVUDOMRÅDE 2: INDIVID - OPPLÆRING - TILRETTELEGGING - KARTLEGGING](#)
    - [HOVUDOMRÅDE 3: PEDAGOGISK UTVIKLINGSARBEID, ENDRINGSARBEID](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [Studielitteratur](#)
  - [VURDERING](#)
  - [Eksamen](#)

## SPESIALPEDAGOGIKK 2. AVDELING, 60 STUDIEPOENG

Vi ynskjer i studiet å lyfte fram og skape forståing for ulike debattar om verdiar og ideologiar som har prega utviklinga av det spesialpedagogiske arbeidsfeltet. Dette gjeld debattar som har vore, og som er fundamenterte i ulike perspektiv. Grovt sett kan ein dele dei grunnleggjande ideane inn i tre ulike perspektiv: Eit **individuellt perspektiv**, eit **samfunnsperspektiv** og eit **antropologiske perspektiv**.

Den individuelle tilnærminga har i all hovudsak vore opptatt av einskildindivida og deira vanskar.

Kunnskapstilnærminga har vore fokusert på ulike funksjonshemmingar, årsaker, diagnostikk, tiltak og prognosar. Samfunnsperspektivet representerer ei tenking som tar utgangspunkt i at funksjonshemming i stor grad er ein sosial definisjon, og at dei sosiale institusjonane ikkje er i stand til å vareta menneske med spesielle behov. Utfordringa og problemet vert såleis langt på veg eit spørsmål om korleis institusjonane kan endrast og tilpassast.

I det «antropologiske perspektivet», ligg ei erkjenning om at nokre problem handlar om individspesifikke vanskar samstundes som problema også handlar om den sosiale definisjonen. Konsekvensen av ein slik modell er tiltak som skal sette individet med særskilde behov i stand til å kunne tilpasse seg ein situasjon eller institusjon samstundes som det vert stilt klare krav til institusjonen om å tilpasse seg individet.

Vår intensjon med dette 2.avd studiet er å tilby eit studium som langt på veg tar utgangspunkt i dette tredje perspektivet «**det antropologiske**». Eit perspektiv som representerer ei tenking som synest å vere den som er mest i pakt med både vedtak og intensjonar i norsk lovgjeving og fagutvikling. Vi ynskjer å fokusere på dei utfordringane som på bakgrunn av siste års reformarbeid no ligg nedfelt i føreskrifter og læreplanar. Dei nye utfordringane stiller nye krav til problemanalyser, målformuleringar, planlegging og gjennomføring. Studiet vil også gi innsyn i tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

### **Studiet vil kvalifisere til arbeidsoppgaver som m.a:**

- spesialpedagogiske arbeidsoppgåver i barnehage, grunnskole og den vidaregåande skolen,
- rettleiarstillingar,
- arbeid i PP-tjenesta,
- administrative yrkesfunksjonar, som m.a. rådgivar-/sosialpedagogiske stillingar.

### **Studiestad og omfang**

Studiet vil gå over to år med start haust 2002 og eksamen våre 2004.

Studiet vil bli organisert som helgesamlingar(fredag/lørdag), lagt til Høgskulen i Volda.

**Opptakskrav**

Spesialpedagogikk 2.avdeling (60 stp), bygger på fullført 1. avdeling (30stp) i spesialpedagogikk - eller tilsvarende godkjent utdanning. Studiet kvalifiserer for opptak til spesialpedagogikk hovudfag.

**MÅL FOR STUDIET**

- gi studentane innsyn i spesialpedagogikken si historie og som fag og forskingsområde
- styrke føresetnadane og skape forståing for deltaking i endrings- og utviklingsarbeid innafor det spesialpedagogiske arbeidsområdet,
- styrke dei personlege/faglege føresetnadane for å kunne gå inn i tverrfagleg, tverretatleg samarbeid om tilrettelegging og utforming av tiltak,
- auke kunnskapen om organisatoriske tiltak som fremjar intensjonen om ein inkluderande skole,
- vidareutvikle kunnskapen om spesialundervisning, tilrettelagt opplæring og praktisk pedagogiske tiltak,
- gi innsikt og kunnskap om sentralt kartleggings - og testmateriell,
- styrke rettleiingskompetansen,
- fokusere på studentane sine egne haldningar, verdiar og erfaringar og korleis desse pregar verksemda.

**INNHALD**

Av praktiske og studietekniske grunnar er studiet organisert i tre hovudområde. Dei tre hovudområda skal utgjere omlag 70% av studiet. I tillegg kjem seminaremne, som utgjer dei resterande 30%. Gjennom seminarema ynskjer vi så lang råd å tilpasse studiet etter kva bakgrunn, yrkeserfaring og arbeidsplassar studentane har. Det er derfor ynskjeleg å kunne planleggje tema etter spesielle ynskje frå studentgruppa.

**HOVUDOMRÅDE 1: SAMFUNN - INSTITUSJON - PROFESJON**

Pensum på 2.avd. er langt på veg av ei slik karakter at kunnskap og innsikt i grunnleggjande vitskapleg tenkemåte vert forutsett. Vi vil derfor innleiingsvis i studiet sette utviklinga på fagfeltet inn i historisk, samfunnsvitskapleg og moralfilosofisk samanheng. Aktuelle sider ved samfunnets tiltaksutvikling og arbeid med tverretatleg utforming og tilrettelegging av såvel miljø som hjelpeinstansar vil stå sentralt. Det same gjeld kunnskap om -, og forståing av aktuelle innstillingar og tiltak sett frå brukarperspektiv.

I stikkordsform vil det m.a. bli fokusert på:

- spesialpedagogikken sin plass i norsk skolehistorie,
- avviksproblematikk,
- epistemologisk/kunnskapsteoretisk grunnlag for spesialpedagogiske tiltak,
- menneskesyn, etisk refleksjon og kunnskapsutvikling,
- juridisk grunnlag for spesialundervisning, det offentlege «mandatet»,
- livskvalitet,
- livsløp,
- hjelpeapparat,
- bustad, fritid, arbeid,

**HOVUDOMRÅDE 2: INDIVID - OPPLÆRING - TILRETTELEGGING - KARTLEGGING**

På veg mot den inkluderande skolen/det inkluderande tilbod må ein i aukande grad sette søkelyset på organisering, leiing, arbeidsmetodar/didaktikk, på differensieringsmåtar, på forhold i klassen og på lærar-/førskolelærarrolla. Kunnskap om læreplanutvikling vil også stå sentralt i dette studieavsnittet.

Omgrepet lærevanskar er eit samleomgrep for ei rekke ulike funksjonsforstyrningar både av generell og spesiell karakter som både blir forstått ulikt og kategorisert ulikt. Vi vil i dette hovudområdet gi innblikk i ulike former for lærevanskar, omgrepsbruk og årsaksforklaringar. Sentralt står også kompetanse i å bruke, vurdere, tolke og utvikle kritisk refleksjon rundt ulike former for diagnostisk materiell.

I stikkordsform vil det m.a. bli fokusert på:

- meistring,
- språk - kommunikasjon,
- sanserelaterte vanskar,
- kognitive lærevanskar,
- sosiale og emosjonelle vanskar,



- ulike årsaksforklaringar for lærevanskar,
- tilpassa opplæring i barnehage og skole,
- organisering og tilretteleggingsstrategier i barnehage og skule,
- lek som metode,
- utvikling av individuelle opplæringsplanar,
- IT i tilrettelagt opplæring,
- læremiddel,
- kartleggings-, analyse og evalueringsteori,
- test-, diagnostiseringsmetodikk,

### **HOVUDOMRÅDE 3: PEDAGOGISK UTVIKLINGSARBEID, ENDRINGSARBEID**

Formålet med dette studieavsnittet er å gi studentane innsikt i metodar og strategiar for utviklings- og endringsarbeid på det spesialpedagogiske arbeidsfeltet. Utviklings-, innovasjons- og endringskompetanse vil bli knytt både til førebyggjande-, behandlande- og vurderande sider av det spesialpedagogiske området. Området utgjer basis for det konkrete prosjekt/innovasjonsarbeidet studentane skal gjennomføre siste studieåret. Området vil verte knytt opp mot utvikling av rettleiingskompetanse. - innovasjonsteori - prosjektteori - statistikk og forskingsmetodikk - vitskapsfilosofi - rettleiingsteori, ulike rettleiarroller rettleiing på individ-, gruppe- og skole/barnehagenivå - kollegaretleiing

### **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

#### ***Seminaremne/studentbidrag***

Om lag halvparten av det samla seminartalet vil få førelesingsform og lærarstyring, medan den andre halvparten vil bli studentstyrt. Ein forventar at studentar på 2.avdelingsnivå sjølve kan bidra med faglege innlegg, kvar student skal førebu og gjennomføre eit fagleg bidrag. Omfang ca.2 timar.

Seminarsamlingane kan såleis tene eit heilt sett av føremål:

- tematisering av fordjupningsområde,
- oppfølging av- og koordinering mellom ulike førelesningar,
- nye, aktuelle tema eller problemstillingar, tene som forum for debatt, og utveksling av synspunkt og røynslar,
- gi studentane trening i seminararbeid og seminarleiing,
- presentasjon av prosjektarbeid,

#### ***Kollokviegrupper/studiegrupper***

Arbeid i organiserte kollokvi- eller studiegrupper er ein viktig føresetnad for ei vellukka gjennomføring av studiet. Studiegruppene vil vere i funksjon alle fire semester. Samansettinga av gruppene vil for ein stor del bli bestemt utifrå interessefellesskap og/eller geografiske og kommunikasjonsmessige tilhøve.

#### ***Praksis***

Samla vil praksis, feltstudiar og ekskursjonar ha eit omfang på 4 veker. Det er ynskjeleg at praksis vert knytt opp mot prosjektarbeidet til studentane. Studenten skal i samband med eige prosjektarbeid, eigne problemstillingar og interesseområde planleggje og gjennomføre praksis. Dette er basert i ei overordna målsetjing om heilskap i studiet.

Studiet rettar seg mot ulike nivå, - ulike områder og ulike arbeidsoppgåver innafor det spesialpedagogiske arbeidsfeltet, noko som også bør gjenspeilast i praksis. Praksis er såleis prosjektorientert og kan setjast saman av feltstudier, institusjonsbesøk, observasjonspraksis og rettleia praksis. Gjennom feltstudium kan studentane utvikle oversikt over ulike arbeidsmåtar, ideologiar, organisering og innsikt i tiltaksnettverk innafor det spesialpedagogiske området. Varierte praksisformer skaper samanheng mellom det «å være i praksis» og å «reflektere over praksis».

#### ***Ekskursjonar***

Ekskursjonar utgjer viktige supplement til den formelle undervisninga og vil kunne gi verdifulle impulsar til vidare fagleg utvikling. I planen vil det bli lagt til rette for ekskursjon. Det kan også vere mogeleg med fleire differensierte ekskursjonsopplegg, med ekskursjonsgrupper som sjølve står ansvarlege for tilrettelegging og gjennomføring

#### ***Prosjektarbeid***

Det er ynskjeleg at studentane sitt prosjektarbeid som skal gjennomførast har eit innovativt perspektiv, det vil seie; mot endring/utvikling av eksisterande praksis. Innovasjonsarbeidet kan gjennomførast individuelt eller i gruppe.

Arbeidet skal resultere i ein prosjekt-/innovasjonsrapport som vil utgjere 50% av den endelege vurderinga. Det skal knytast godkjend fagleg rettleiar til prosjektarbeidet.

## **STUDIELITTERATUR**

Samla pensum knytt til basislitteratur er ca.4000 sider. Av det er ca. 1000 sider valfri litteratur som kan knytast til tema i prosjektoppgåva og/eller anna fordjupningstoff.

## **VURDERING**

For å få gå opp til eksamen må studenten ha gjennomført følgjande:

- deltaking i studiet. Det er obligatorisk frammøte både når det gjeld undervisning og praksis. Høgskulen nyttar 80% regelen.
- levert praksisrapport
- gjennomført prosjekt-/innovasjons-/utviklingsarbeid
- planlagt og presentert eit fagleg bidrag
- delteke i kollokviearbeid/studiegruppe gjennom heile studieperioden

## **EKSAMEN**

Endeleg vurdering byggjer på to uavhengige komponentar. Ved samanslåing til endeleg karakter vert desse komponentane vekta likt.

1. Vurdering av innovasjons/prosjektarbeid
2. Individuell 8-timars skriftleg eksamen

Det vert nytta bokstavkarakterar A-E for stått, F for ikkje stått.

<b>Student</b>	<b>Fag-</b>	<b>Til</b>
<b>kontoret</b>	<b>planar</b>	<b>toppen</b>



- [UTEFAG, 30 STUDIEPOENG \(FLF101\)](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING/EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)

## UTEFAG, 30 STUDIEPOENG (FLF101)

### INNLEIING

Utefag 30 studiepoeng fordjupningseining er ei vidareføring og ei fordjuping i faga fysisk fostring og naturfag med miljølære i førskulelærerutdanninga. Eininga er retta mot studentar i 3-årig førskulelærerutdanning og kvalifiserer for pedagogisk arbeid med barn i dei aldersgruppene som rammeplan for førskulelærerutdanning legg opp til. Heile eininga eller einskilde modular kan takast som vidareutdanning.

Utefag er eit erkjennings-, dannelsings- og dugleiksfag der fysisk fostring og naturfag skal ha omlag lik vektning. Sentralt i fordjupningseininga står oppleving, utforsking, oppdaging, meistring og samhandling med naturen. Fagplan for Utefag bygg på nasjonal rammeplan for utefag fastsett av departementet i mai 1999.

### MÅL

Fordjupningseininga Utefag skal ved oppleving, aktivitet og drøftingar stimulere til uteaktivitet med barn i barnehage og skule.

Gjennom teoristudium og faglege og praktiske erfaringar skal studentane bli i stand til å planleggje og gjennomføre frie og organiserte aktivitetar med barn utandørs, der ein fokuserer på desse hovudområda: Mennesket sitt forhold til natur, barn-rørsle-natur, barnehagen og skulen sitt uteområde og nærmiljøet.

I løpet av studiet skal studentane

- tileigne seg teoretisk kunnskap om og praktiske erfaringar med ulike naturtypar og rørslemiljø, og utvikle kunnskap om og forståing for landskap og liv i naturen, og for vekselverknader mellom naturen og mennesket.
- tileigne seg teoretisk og praktisk kunnskap for å kunne stimulere barn til leik, undring, glede og meistring i naturen med utgangspunkt i barn sine egne føresetnader.
- tileigne seg kunnskap for å kunne skape eit prosessorientert læringsmiljø, og utvikle sjølvstende, ansvar og kreativitet.
- vidareutvikle fagdidaktisk kompetanse, kritisk refleksjonsevne og innsikt i pedagogisk utviklingsarbeid relatert til samvær med barn i naturen.
- tileigne seg større innsikt i tilhøvet mellom barn og deira naturmiljø, i den motoriske utviklinga hos barn og i samspelet mellom barn si motoriske utvikling og rørsler i naturen til ulike årstider.

### INNHALD

Innhaldet i studiet er gruppert i fem modular:

#### 1. Natur og friluftsliv ved kysten (4 studiepoeng)

- friluftsliv - der ein er i stand til å leve eit enkelt liv i naturen, koke og bu ute, ta omsyn til ver og vind, å kle seg riktig.
- dyr og planter i havet, fjæra og på kulturmark. Tilpassingar til levevilkår i fjæra.
- korleis bestemme og ta vare på dyr og planter.
- fiske
- geologi
- mat frå naturen.
- bruk av naturmateriale i lek og forming.
- bruk av enkle reiskap som kniv, sag m.m.
- bruk av bål og friluftslivsutstyr som stormkjøken og lavvu m.m.
- båt og kano
- enkel førstehjelp og kameratredning.
- å planleggje, gjennomføre og vurdere enkelt friluftsliv med barn i naturen.
- lover og reglar for aktivitetar og ferdsel i naturen.

Vekeskurs (5 dagar) med overnatting i telt.

Kostnader: båttransport

Tidspunkt: 19. - 23 august 2002.

## **2. Vinteraktiviteter, snø og opplevingar (4 studiepoeng)**

- friluftsliv - der ein er i stand til å leve eit enkelt liv i naturen, koke og bu ute, ta omsyn til ver og vind, finne vegen og kle seg riktig.
- artar, mangfald, samanhengar i fjellet med omsyn til levestett og levevilkår for plantar og dyr, særleg i forhold til vinter.
- snø og is - både i høve forming, bruk og tryggleik.
- bruk av enkle reiskap som kniv, sag m.m.
- bruk av bål og friluftslivsutstyr som stormkjøken og lavvu, igloo m.m.
- enkel førstehjelp og kameratredning.
- å planleggje, gjennomføre og vurdere enkelt friluftsliv med barn i naturen i høve vinter.
- korleis stimulere til glede ved allsidig rørsle og lek i høve snø og is
- korleis stimulere barn til å ver kreative, bruke sansane sine og bli nysgjerrige og oppdagande.

Vekeskurs (5 dagar) på Bjorli med overnatting.

Kostnader ca. kr. 600.- for opphold (eks. mat), og evt. ca. kr. 400.- for buss frå Volda.

Tidspunkt: veke 11 i 2003.

## **3. Skog og fjell (8 studiepoeng):**

- dyr og planter
- objektsamling (for 30 studiepoeng studenter)
- bruk av telt, lavvu, gapahuk
- myr, vann, bekk
- bruk av kart og kompass
- orienteringsaktiviteter for barn
- geologi, landformer, korleis landet vart til
- barn si psykomotoriske utvikling og aktivitetar som stimulerer denne.
- korleis stimulere til glede ved allsidig rørsle og lek i ulike naturområder.
- vinterbiologi

## **4. Nærmiljøet (4 studiepoeng):**

- naturleikeklassen
- observasjon av naturområder
- motorikk og lek
- vurdere verdi og risiko ved ulikt leikeutstyr og ulike leikemiljø
- forming

- enkel matlaging
- bruk av nærmiljøet
- lover og regler for aktiviteter og ferdsel i natur og på naturleikeplasser

### **5. Barn og natur (10 studiepoeng):**

- lage enkelt utstyr til bruk i barnehagen
- objektsamling
- fagpraksis
- barnehageinvitasjon
- temaprojektoppgåver
- praktiskmetodiske oppgåver
- symjing, livberging
- økologi
- astronomi

Som etter- og vidareutdanning kan ein kombinere modul 1+2+4, eller 1+3, eller 2+3, eller 3+4 om ein vil ha 12 studiepoeng, men ein kan også velje enkeltmodular, andre kombinasjonar eller heile eininga. Modul 5 kan berre takast av dei som vel heile eininga.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Undervisninga er blokklagt til om lag ei tredagarsamling i månaden, med unntak av modul 1 og 2 (sjå "INNHALD").

For å kunne gi ei reflektert forståing av arbeidet med fordjupingseininga Utefag og arbeidet med Utefag i barnehage og skule vil studiearbeid og undervisning i stor grad ta utgangspunkt i studentane sine opplevingar og observasjonar ute i naturen.

Under feltarbeid og ekskursjonar vil oppleving av heilskap, prosess og samanhengar vere sentralt.

Utgangspunkt i heilskapleg erfaring og oppleving vil gi grunnlag for ein problembasert tilnæringsmåte til tema og teoristoff, der faga naturfag og fysisk fostring vil vere tett integrert.

Både for erfaringsoppsumming og arbeid med teoristoff vil ein legge vekt på å arbeide i rettleiarstyrte og/eller studentstyrte arbeidsgrupper.

### ***Ekskursjonar og feltarbeid***

I løpet av studiet skal studentane jamnleg ta del i feltarbeid og ekskursjonar til ulike naturmiljø og til ulike årstider. Semesterplanane vil gi utfyllande informasjon om dette.

Lengre ekskursjonar:

- Kyst / fjøre 5 dagar med overnatting i telt.
- Vinter 5 dagar med innadørs overnatting - men med høve til å overnatte ute.
- Fjell og bre. Dagstur for å sjå og oppleve korleis bre og vatn formar landet.

### ***Ikt***

TV, video og ulike spel på TV og data har blitt ein stadig større del av barna sin kvardag. I studiet vil ein ta opp til kritisk drøfting kva konsekvensar dette har for barn sin aktivitet, leik og engasjement.

### ***Tilpassa opplæring***

I studiet vil ein ta opp korleis uteaktivitet kan stimulere barn med ulike føresetnader og ulike vanskar, og korleis ein kan organisere slik aktivitet.

### ***Fagpraksis***

I løpet av studiet skal studentane som tek heile eininga ha 20 timar fagpraksis i barnehage, småskule eller skulefritid.

Drøfting av fagpraksis er lagt inn i undervisninga.

### ***Forkrav/Frammøte***

Det er obligatorisk frammøte til evt. fagpraksis, praktisk arbeid, ekskursjonar og feltarbeid og til organisert gruppearbeid. Semesterplanen gjev nærare informasjon om dette. Kvar modul tel for seg. I samband med fråver gjeld høgskulen sitt frammøtereglement.

### **Obligatoriske arbeid**

I løpet av studieåret skal studentane som tek heile eininga samla levere følgjande obligatoriske arbeid etter gjevne retningslinjer og til avtalt tid:

#### **1. Rapport etter fagpraksis.**

I samband med fagpraksis skal det lagast ein praksisrapport med plan, oppsummering og vurdering av det arbeidet som har vore gjort i fagpraksis-perioden.

Rapporten skal utarbeidast av praksisgruppa, og ha eit omfang på ca 5 maskinskrivne sider, og leverast til avtalt tid.

#### **2. Objektsamling.**

Studenten skal lage si eiga objektsamling på 70 objekt ut frå oppsett artsliste

Samlinga skal leverast til avtalt tid.

#### **3. Oppgåver.**

Oppgåver knytt til modulane må vere godkjent av faglærarane. Tydinga "godkjent" i denne samanhengen er ikkje det same som at oppgåva er vurdert til bestått

## **VURDERING/EKSAMEN**

### **Vilkår for å få gå opp til eksamen**

For å kunne få framstille seg til eksamen må alle førekrav vere innfridde.

### **Mappeeksamen:**

Det skal leveres ei individuell mappe for kvar modul, kvar mappe kan bestå av ein eller fleire oppgåver.

Modul 1: 1 oppgåve

Modul 2: 1 oppgåve

Modul 3: 2 oppgåver

Modul 4: 1 gruppeoppgåve. Gruppeoppgåva skal løysast innan 3 dagar og dokumenterast med ein rapport på inntil 10 maskinskrivne sider. Oppgåva skal utførast i arbeidsgrupper, og kan ta utgangspunkt i praktisk arbeid ute.

Modul 5: 1 oppgåve+godkjent fagpraksisrapport + godkjent objektsamling

Nærare retningslinjer vert gitt av faglærar.

For dei som tek heile eininga, vert delar av mappedokumentasjonen trekt ut av høgskulen til vurdering og endeleg karakter i eininga vert gitt på bakgrunn av dei uttrekte arbeida.

*Dei som tek einskildmodular, skal vurderast i kvar modul.*

Dei som tek heile eininga får ein samla karakter. Karakterer vert gitt etter ein skala fra A til F med A som beste karakter, og E som lavaste ståkarakter.

## **PENSUM**

Bang, C. og Braute, J.: Bli med ut ! Universitetsforlaget 1994

Fischer, U. og Madsen, B. Leicht: Se her ! Om børns opmerksomhed. Forlaget Børn og Unge, København 1988.

Flemmen, A.: Skilæring. Universitetsforlaget 1993

Hågvar og Støen: Grønn Velferd. Kommuneforlaget 1996

Jagtøien, G. L. og Hansen, K.: I bevegelse. Sansemotorikk, leik, observasjon. Gyldendal, Oslo. 2000 .

Loftesnes, J.M.: På naturleikeklassen. SEBU forlag 1998

Madsen, B. Leicht: Børn, dyr og natur. Forlaget Børn og Unge, København 1988

Moser, T. og Dudas, B.: Psykomotorikkkompendium. Moser/Dudas 1996

Prestvik, O.: Naturgrunnlaget. Landbruksforlaget 1994

Swang, O.: Lov og rett i utmark. Landbruksforlaget 1992 (Kort utdrag)

Taksdal, G. Og Hågvar, S.: Økologi og miljøvern. Landbruksforlaget. Oslo 2001

Lov om friluftslivet. Grøndahl Dreyer Lovdata

Forskrift om sikkerhet ved lekeplussutstyr. Produkt- og elektrisitetstilsynet

### **Kompendier:**

*Kompendium: Planter og dyr.*

Bang, C.: Vinterbiologi

Carlberg, B.: Nyttevekster i ny og gammel tid. Cappelen 1981

Gensbøl, B.: Fuglene i hagen. Aschehoug 1979.

Norge i forgårs og i dag. Geologisk historie og landformer.

**Handbøker:**

Wischmann, F. Norsk fargeflora. NKS-forlaget 1998

Olsen, L. H., Sunesen, J. Og Pedersen, B.V. Insekter og småkryp i norske skoger. Aschehoug 1997

Bergan, K.: Livet i fjæra. Cappelen 1997.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [ANIMASJONSUTDANNING, 180 SP](#)
  - [Omfang](#)
  - [Målgruppe](#)
  - [Opptakskrav](#)
  - [Målsetting](#)
  - [Organisering av studiet](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
- [1. SEMESTER](#)
  - [Animasjon 1 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Animasjonsteori 1 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Mediedesign 1 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Medievitenskap 1 \(15 studiepoeng\)](#)
- [2. SEMESTER](#)
  - [Animasjon 2 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Animasjonsteori 2 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Mediedesign 2 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Medievitenskap 2 \(15 studiepoeng\)](#)
- [3. SEMESTER](#)
  - [Animasjon 3 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Animasjonsteori 3 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Mediedesign 3 \(5 studiepoeng, valgfri modul\)](#)
  - [3D data 1 \(5 studiepoeng, valgfri modul\)](#)
  - [Medievitenskap 3 \(15 studiepoeng\)](#)
- [4. SEMESTER](#)
  - [Animasjon 4 \(20 studiepoeng\)](#)
  - [Animasjonsteori 4 \(5 studiepoeng\)](#)
  - [Mediedesign 4 \(5 studiepoeng, valgfri modul\)](#)
  - [3D data 2 \(5 studiepoeng, valgfri modul\)](#)
- [5. og 6. SEMESTER](#)
  - [Animasjon 5 \(50 studiepoeng\)](#)
  - [Animasjonsteori 5 \(10 studiepoeng\)](#)

## ANIMASJONSUTDANNING, 180 SP

(3-årig utdanning som gir bachelorgrad)

### Omfang

Studiet har et omfang på 180 studiepoeng og gir graden bachelor i animasjon. Normal studietid er tre år.

### Målgruppe

Studiet er rettet mot kreative personer med interesse for visuelle medier. Søkerne bør minimum ha kunnskaper tilsvarende videregående kurs 2 i tegning, form og farge. Tidligere erfaring fra animasjon eller andre visuelle uttrykksformer eller medier er bare en fordel.

### Opptakskrav



I tillegg til generell studiekompetanse, må søkeren kvalifisere seg gjennom innsendte arbeidsprøver. Det kan også være aktuelt å kalle søkere inn til intervju og supplerende oppgaver for godkjenning. Godkjente søkere konkurrerer på grunnlag av konkurransepoeng.

Opptaket skjer gjennom Samordna opptak, mens godkjenningen av søkerne foretas av en egen fagkomité ved høyskolen. Det blir tatt opp inntil 10 studenter hvert år.

## Målsetting

Målet med studiet er å gi studentene et praktisk og teoretisk ferdighetsnivå som kvalifiserer dem til profesjonelt arbeid med animasjon i nyheter, informasjon, reklame, underholdning, og som selvstendig uttrykk.

## Organisering av studiet

Animasjonsstudiet er et praktisk-teoretisk studium. Teoriundervisningen foregår i hovedsak som gruppeforelesninger. Studentproduksjoner utgjør en stor del av det praktiske arbeidet, og det er i hovedsak her den praktiske læringen finner sted. I forbindelse med de praktiske oppgavene vektlegges den individuelle veiledning og oppfølging på alle ledd i produksjonen. All praktisk undervisning er obligatorisk så fremt studentene ikke kan dokumentere tilsvarende kunnskap som kan frita dem fra denne.

## Vurdering og eksamen

Hver enkelt modul vurderes med en egen bokstavkarakter. Det er en forutsetning for å få den enkelte modulen godkjent at alle praktiske og teoretiske oppgaver er levert innen fristene som settes for disse. Fristene gis av faglærer gjennom oppslag, eller på annen egnet måte.

De fleste modulene vurderes med en individuell mappeevaluering. Alle praktiske øvelser og oppgaver skal leveres i to eksemplarer på dertil best egnet format (CD-Rom, Beta SP eller VHS). Alle teoretiske oppgaver og essays skal ha rødt omslag og leveres i to eksemplarer.

Det er anledning til å klage på karakteren, og det vises til egne forskrifter for dette

Pensumlistene er veiledende. Endringer kan forekomme, og endelig pensum opplyses ved semesterstart.

## 1. SEMESTER

### Animasjon 1 (5 studiepoeng)

Studentene skal gjennom en rekke tegnefilmøvelser lære seg de grunnleggende prinsipper for bevegelse og bevegelsesmønstre i animasjon. De skal også gjennom praktisk arbeid kjenne til bruken av digitale hjelpemidler i moderne tegnefilmproduksjon. Studenten skal også ha enkel innføring i bruk av moderne harddiskbasert redigering som hjelpemiddel.

#### Vurdering og eksamen

Studenten skal gjennomføre et visst antall praktiske tegnefilmøvelser, som viser at hun/han kjenner til de grunnleggende animasjonsprinsipper som beskrevet i pensum. Antall øvelser som skal gjennomføres bestemmes og opplyses av faglærer ved modulens start.

Studenten skal ha gjennomført minst én øvelse som viser at hun/han kjenner til de grunnleggende prinsipper og funksjoner i bruk av programvare for digital fargelegging og kompositering av tegnefilm.

#### Pensum:

Frank Thomas & Ollie Johnson: *"The Principles of Animation"*. Fra Disney animation: The illusion of life, (1997, ISBN: 0786860707)

Richard Williams: The Animator's Survival Kit (2001, 0571202284)

Kit Laybourne: *"Digital Ink and Paint"*. Fra The Animation Book, (1998, ISBN 0517886022)

### Animasjonsteori 1 (5 studiepoeng)

Denne modulen er todelt. Den ene delen tar primært for seg tegnefilmhistorien. Studentene skal ha oversikt over animasjonsfilmens opprinnelse, og utviklingen av den klassiske tegnefilmen i USA. Studenten skal ha oversikt over animasjonsfilmens historie i Norge og Norden.

Den andre delen tar for seg emnene filmdramaturgi og storyboarding. Studenten skal ha grunnleggende kunnskap om dramaturgi i film, og kjenne til ulike måter å formidle historier og budskap på. Studenten skal kjenne til animasjonens muligheter og begrensninger i formidling av en historie, og gjennom praktisk arbeid ha kunnskap om hvordan egne ideer og historier kan visualiseres gjennom storyboards og animatics.

### **Vurdering og eksamen**

På slutten av semesteret skal studenten skrive et individuelt essay der hun/han bruker pensum i en problemstilling gitt av faglærer.

I løpet av modulen skal studenten levere minimum 4 storyboards, ut fra oppgaver gitt av faglærer ved modulens begynnelse. Her skal studenten vise at hun/han behersker de konvensjoner som gjelder for utforming av profesjonelle storyboards.

Studenten skal levere en enkel animatic, med enkel lydskisse. Denne skal vise at studenten behersker elementær dramaturgi.

### **Pensum:**

Norman M. Klein: Seven Minutes. (1996, ISBN 1859841503)

Gunnar Strøm: "Caricatures, Cartoons and Advertisements: The pioneers in nordic animated film". Fra Nordic Explorations (1999, ISBN 1864620552)

Gunnar Strøm: "Norsk animasjonshistorie". Fra Animasjon i Norge (1987, ISBN 8290738005)

Geir Eriksen: Fortellerteknikk og dramaturgi for film og fjernsyn (1993, ISBN 8241200110)

Kit Laybourne: "Storyboarding and Animatics". Fra The Animation Book. (1998, ISBN 0517886022)

## **Mediedesign 1 (5 studiepoeng)**

Modulen skal gi studenten en grunnleggende innføring i design (typografi, layout) og i elektronisk bildebehandling (scanning, og bruk av Photoshop og Illustrator).

### **Vurdering og eksamen**

Studenten skal levere 1 trykksak etter nærmere spesifisering gitt av faglærer ved modulens begynnelse, basert på modulens teoretiske og praktiske undervisning. Trykksaken vurderes ut fra ferdigheter i design, med basis i modulens pensum.

### **Pensum:**

E.Spiekermann & E.M.Ginger: Stop Stealing Sheep & find out how type works (1993, ISBN 0672485435)

Øyvin Rannem: Bokstav, bilde, budskap. (1998, ISBN 8200351386)

Einar Egeland og Tom Jacoby: Design og Reklame VK2 (1998, ISBN 8258512900)

## **Medievitenskap 1 (15 studiepoeng)**

Se egen plan.

## **2. SEMESTER**

### **Animasjon 2 (5 studiepoeng)**

Modulen bygger på de grunnleggende animasjonsferdigheter studenten har tillagt seg i Animasjon 1. Modulen skal gi studentene praktisk kunnskap om og erfaring med cutout og andre todimensjonale animasjonsteknikker.

Studenten skal også ha kunnskap om og erfaring med alternative animasjonsteknikker og utprøving av nye uttrykk.

Gjennom arbeid med alternative animasjonsobjekter som for eksempel sand, silhuett, skraping/tegning på film, pixillasjon og så videre, og eksperimentering med det visuelle og grafiske uttrykket, skal studenten få større forståelse for animasjonsmediets muligheter både analogt og digitalt.

### **Vurdering og eksamen**

Studenten skal ha gjennomført et visst antall praktiske øvelser som viser at hun/han kan animere i cutout og/eller liknende animasjonsteknikker. Antall og type øvelser som skal gjennomføres bestemmes og opplyses av faglærer ved modulens start.

Studenten skal ha laget en animert film på minimum ett minutt, med lyd. Filmen behøver ikke å være narrativ.

Filmen skal være laget i en todimensjonal animasjonsteknikk (ikke tegnefilm), og skal vise at studenten behersker de grunnleggende ferdigheter denne teknikken krever.

Animasjon 1 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Animasjon 2.

### **Pensum:**

Kit Laybourne: The Animation Book. Kap. 2, 7, 9-13 og side 265-277.(1998, ISBN 0517886022)

Roger Noake: "Handmade Films". Fra Animation. A guide to Animated Film Techniques. (1988, ISBN 0356158721)

## Animasjonsteori 2 (5 studiepoeng)

Modulen bygger på Animasjonsteori 1, og er todelt. Den ene delen skal gi studenten kunnskap om hvordan den eksperimentelle, kunstneriske og uavhengige animasjonsfilmen i Europa og Nord-Amerika oppstod og utviklet seg parallelt med den kommersielle animasjonen. Studenten skal også ha en oversikt over kunstens (i hovedsak billedkunstens) utvikling sett i forhold til animasjonsfilmens utvikling.

Modulen skal også gi et innblikk i bruken av lyd og etterarbeid av lyd i animerte produksjoner. Det gis en innføring i analyse av dialog for leppesynkronisering. Studentene skal utvikle et bevisst forhold til bruk av musikk og effektlyder i sine produksjoner.

### Vurdering og eksamen

På slutten av semesteret skal studenten skrive et individuelt essay der hun/han bruker pensum i en av faglærer gitt problemstilling.

Studenten skal ha gjennomført et prosjekt i lydanalyse ved hjelp av digital programvare og egnede analyseskjema ("bar-sheets"), der formålet er å bryte ned en dialogsekvens til bruk i leppesynkronisering for animasjon, og å analysere et musikkspor for å finne rytme og passasjer som en animator kan tilpasse animasjonen etter.

Animasjonsteori 1 være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Animasjonsteori 2.

### Pensum:

Maureen Furniss: Art in motion. Animation Aesthetics, kap.1,3,4,5,8,13 (1998, ISBN 1864620390)

Robert Russett & Cecile Starr: Experimental Animation, kap.1-7 (1988, ISBN 0306803143)

E.H.Gombrich: Verdenskunsten, s.535-638. (1996, ISBN 8203221602)

Bordwell/Thompson: "Sound in the Cinema". Fra Film Art. An Introduction, (2000, ISBN 0071182306)

Kit Laybourne: "Working with sound". Fra The Animation Book. (1998, ISBN 0517886022)

Shamus Culhane: Animation from Script to Screen, kap.9,15,20,21 (1990, ISBN 0312050526)

## Mediedesign 2 (5 studiepoeng)

Modulen bygger på Mediedesign 1, og består av konseptutvikling pluss praktisk innføring i todimensjonal dataanimasjon, inkludert webanimasjon. Studenten får også kjennskap til praktisk digital bearbeiding av eksisterende, digitalt filmmateriale.

### Vurdering og eksamen

Studentene skal gruppevis gjennomføre et prosjekt i konseptutvikling. Dette prosjektet skal presenteres muntlig og/eller ved hjelp av video for faglærer og de andre studentene.

Studenten skal gjennomføre flere mindre oppgaver knyttet til dataprogram for todimensjonal dataanimasjon og webanimasjon. Oppgavenes antall og type opplyses av faglærer ved modulens start. Oppgavene vil bli vurdert med vekt på ferdigheter i design og kunnskap om de aktuelle dataprogram.

Mediedesign 1 være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Mediedesign 2.

### Pensum:

M. Baumgardt : Adobe Photoshop Web Design (2001, ISBN 0201721465)

Nigel Chapman & Jenny Chapman: Digital Media Tools (2001, ISBN 0471492779)

Bruce Wands: Digital Creativity. Techniques For Digital Media And The Internet (2001, ISBN 0471390577)

## Medievitenskap 2 (15 studiepoeng)

Se egen plan.

## 3. SEMESTER

I tillegg til de obligatoriske modulene må studentene i dette semesteret velge enten Mediedesign 3 (5 studiepoeng) eller 3D data 1 (5 studiepoeng).

## Animasjon 3 (5 studiepoeng)

Fra den todimensjonale og flate animasjonen i Animasjon 1 og 2 skal studentene i denne modulen gå videre og utforske tredimensjonal objektanimasjon, der bevegelse i forhold til rommet står i fokus. De skal lære hvordan man bygger funksjonelle animasjonsdukker og enkle sett, samt få en innføring i lyssetting av tredimensjonale sett.

### Vurdering og eksamen

Studenten skal ha gjennomført et visst antall praktiske øvelser som viser at hun/han kan animere animasjonsdukker og evt. andre tredimensjonale objekter. En av øvelsene skal innebære lyssetting. Antall og type øvelser som skal

gjennomføres bestemmes og opplyses ellers av faglærer ved modulens start. Studenten skal ha laget en funksjonell animasjonsdukke.

Animasjon 2 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Animasjon 3.

### **Pensum:**

Peter Lord & Brian Sibley: Cracking Animation (1999, ISBN 0500281688)

Gerald Millerson: Lightning for Television and Film (1999, ISBN: 024051582X)

### **Animasjonsteori 3 (5 studiepoeng)**

Studenten skal ha oversikt over animasjonsfilmens møte med nye digitale verktøy og medier, inkludert Internett. Modulen ser også på den historiske utviklingen av digitale effekter i realfilm og vurderer den moderne japanske animasjonen ("anime") og dens påvirkning på vestlig animasjon.

### **Vurdering og eksamen**

Modulen vurderes ved at studenten skal skrive et individuelt essay der hun/han bruker pensum i en av faglærer gitt problemstilling.

Animasjonsteori 2 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Animasjonsteori 3.

### **Pensum:**

Gunnar Strøm: "*Animasjon og Ny Teknolog.*" Fra Iversen, Kulset & Skretting: "*As Time Goes By.*" Festskrift i anledning Bjørn Sørenssens 50-årsdag. (Trondheim, 1996.)

Karen Mazurkewich: "*Digital Genesis*". Fra Cartoon Capers (2000, ISBN 1552780937)

Maureen Furniss: Art in motion. Animation Aesthetics, kap.9 (1998, ISBN 1864620390)

Robert Russett & Cecile Starr: Experimental Animation, kap.8 (1988, ISBN 0306803143)

Bill Hilf: "*Don't Believe Your Eyes: Is it Real or is it Animation?*" Artikkel i Animation World Magazine, <http://www.awn.com/mag/issue2.5/2.5pages/2.5hilfbelieve.html>

Norman M. Klein: "*Hybrid Cinema*". Fra Kevin S.Sandler (ed.): Reading the Rabbit. Explorations in Warner Bros. animation, (1998, ISBN 0813525381)

Antonia Levi: "*New Myths for the Millennium: Japanese Animation.*" Utdrag fra Animation in Asia and the Pacific, (2001, ISBN: 0253340357)

Fred Patten: "*Anime in the United States.*" Utdrag fra Animation in Asia and the Pacific (2001, ISBN: 0253340357)

Helen McCarty: "*The Development of the Japanese Animations Audience in the United Kingdom and France.*" Utdrag fra Animation in Asia and the Pacific, (2001, ISBN: 0253340357)

### **Mediedesign 3 (5 studiepoeng, valgfri modul)**

Modulen bygger på Mediedesign 1 og 2. Studentene vil i gruppearbeid og evt. med eksterne deltakere få som oppgave å produsere TV- eller filmvignetter eller kortere animasjoner for TV. Prosjektet skal gi øvelse og innsikt i design- og animasjonskrav relatert til TV, samt at det skal settes fokus på løsningsprosessen og vurdering ut ifra et totalkonsept.

I tilknytning til modulen Mediedesign 3 skal studentene etter vaktplan delta i avdelingens interne praksis om høsten. Her skal de bidra med animert grafikk på fjernsyn og på Internett etter nærmere gitte spesifikasjoner.

### **Vurdering og eksamen**

Studenten skal alene eller sammen med andre ha produsert minst én vignett eller annen animasjon på minimum 15 sekunder beregnet på tv eller film. Oppgaven vurderes ut fra design, teknisk løsning og egnethet i forhold til sammenhengende animasjonen presenteres i.

Mediedesign 2 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Mediedesign 3.

### **Pensum:**

Angie Taylor: Creative After Effects 5.0 (2001, ISBN: 0240516222)

### **3D data 1 (5 studiepoeng, valgfri modul)**

Modulen er en teoretisk og praktisk innføring i tredimensjonal dataanimasjon. Studenten skal kjenne til de ulike begreper og konsepter innen denne teknikken, samt organisering av arbeidet innen relevant programvare.

**Vurdering og eksamen**

Studenten skal ha gjennomført et visst antall øvelser opplyst av faglærer ved modulens start. Øvelsene skal vise at studenten kan de funksjoner som skal til for å skape enkle bevegelser av objekter i tre dimensjoner.

**Pensum:**

Opplæringshefte -3D Studio Max (Kompendium HVO).

Michael Todd Peterson: 3D Studio Max. Ground Rules, kap.1-7 (2001, ISBN 0766837831)

**Medievitenskap 3 (15 studiepoeng)**

Se egen plan.

**4. SEMESTER**

I tillegg til de obligatoriske modulene må studentene i dette semesteret velge enten Mediedesign 4 (5 studiepoeng) eller 3D data 2 (5 studiepoeng).

**Animasjon 4 (20 studiepoeng)**

Modulen gir gjennom praktiske øvelser kunnskap om arbeidsprosessene i et moderne animasjonsstudio. Studentene skal også få praktisk opplæring i elementær klippeteknikk ved hjelp av harddiskbasert redigeringsutstyr, samt lære hvordan man planlegger og produsere en showreel. Studenten skal spesialisere seg i en fritt valgt analog eller digital animasjonsteknikk.

Studentene må delta i avdelingens interne praksisperiode og produsere en ukentlig animert fjernsynsserie.

Studentene skal selv planlegge serien og arbeidsoppgaver knyttet til den, samt gjennomføre prosjektet i en tilnærmet realistisk studiosituasjon, med tilhørende arbeidsoppgaver og tidsfrister.

**Vurdering og eksamen**

Studenten skal gjennom praktisk arbeid ha deltatt i og fått erfaring med en studioprodusert animert fjernsynsserie. Serien kan enten være produsert ved høyskolen, eller eksternt. Vurderingen vi ta hensyn til studentens faglige kunnskap, delaktighet og engasjement i produksjonen.

Studenten skal ha laget en animert film på minimum ett minutt, med eller uten lyd. Filmen behøver ikke å være narrativ. Filmen skal være laget i en fritt valgt teknikk, og skal vise at studenten har kunnskap ut over de grunnleggende ferdigheter som denne teknikken krever.

Studenten skal sette sammen en showreel på maksimalt to minutter basert på egne produksjoner og øvelser som er gjort så langt i studiet. Showreelen skal ha lyd eller musikk. Gjennom dette arbeidet skal studenten vise at hun/han behersker elementær klippeteknikk på harddiskbasert redigeringsutstyr.

Animasjon 3 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Animasjon 4.

**Pensum:**

C.Winder & Z.Dowlatabadi: Producing Animation (2001, ISBN: 0240804120)

Kit Laybourne: "Production Planning". Fra The Animation Book. (1998, ISBN 0517886022)

**Animasjonsteori 4 (5 studiepoeng)**

Modulen er todelt, og inneholder emnene filmanalyse og filmteori, samt bransjekunnskap og produksjonsplanlegging.

Filmanalyse og filmteori bygger videre på den filmteoretiske og filmanalytiske innføringen studentene har fått i Medievitenskapsmodulene. Studentene skal ha en praktisk analyseoppgave.

Studenten skal også ha kjennskap til det norske animasjonsmiljø, og vite hvordan animasjonsbransjen her i landet fungerer både med hensyn til finansiering og produksjonsforhold. Studenten skal vite hvordan man planlegger og presenterer et animasjonsprosjekt.

**Vurdering og eksamen**

Studenten skal skrive en filmanalyse (min.10 sider, 12 pkt. skrift, halvannen linjeavstand). Analysen skal ha sin teoretiske basis i pensum for modulen.

Animasjonsteori 3 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Animasjonsteori 4.

**Pensum:**

Paul Wells: Understanding Animation (1998, ISBN 0415115973)

Carl R.Plantinga: Rhetoric and Representation in Nonfiction Film (1997, ISBN 0521573262)

### **Mediedesign 4 (5 studiepoeng, valgfri modul)**

Modulen bygger på Mediedesign 1 og 2, og kan altså velges selv om man ikke har Mediedesign 3. Studentene vil i gruppearbeid få som oppgave å produsere web-animasjoner. Prosjektet skal gi øvelse og innsikt i design- og animasjonskrav relatert til web, samt at det skal settes fokus på løsningsprosessen og vurdering ut ifra et totalkonsept.

#### **Vurdering og eksamen**

Studenten skal alene eller sammen med andre ha produsert minst én animasjon beregnet på web eller CD-ROM. Oppgaven vurderes ut fra design, teknisk løsning og egnethet i forhold til sammenhengen animasjonen presenteres i.

Mediedesign 2 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent Mediedesign 4.

#### **Pensum:**

Lynda Weinman: Designing Web Graphics. How to prepare images and media for the web (3.utg.1999, ISBN 1562059491)

Katherine Ulrich: Flash 5 for Windows & MacIntosh (2000, ISBN 0201716143)

### **3D data 2 (5 studiepoeng, valgfri modul)**

Studenten skal kunne produsere vignett eller tittelsekvens ved bruk av 3D programvare. Fordyping i modellering, lyssetting, bruk av kamera, animering, teksturering og rendering.

#### **Vurdering og eksamen**

Studenten skal vise at hun/han behersker tilfredsstillende de funksjoner som skal til for å modellere og teksturert et objekt og dets omgivelser, lyssette det, og animere objektet i tre dimensjoner. Dette kan bli presentert igjennom en animert logo, vignett eller liknende.

3D data 1 må være fullført og godkjent før studenten kan få godkjent 3D data 2.

#### **Pensum:**

Michael Todd Peterson: 3D Studio Max. Ground Rules, kap.8-17 (2001, ISBN 0766837831)

## **5. OG 6. SEMESTER**

Studentene skal i tilknytning til modulen Animasjon 5 også gjennomføre en ekstern praksisperiode. Begge de interne praksisperiodene må være gjennomført for å få rett til ekstern praksis. Denne praksisdelen er på minimum 4 uker, og studentene avgjør selv når praksisen skal gjennomføres i løpet av de to siste semestrene.

Ekstern praksis kan gjennomføres i et produksjonsstudio i inn- eller utland. Studentene gjør selv avtale med praksisstedet de ønsker å dra til, og skal gjennom aktiv deltakelse få praktisk erfaring med det daglige livet i animasjonsbransjen. Det er også mulig, så fremt dette avtales med praksisstedet, å bruke deler av praksis til å jobbe med egen eksamensproduksjon.

### **Animasjon 5 (50 studiepoeng)**

Denne modulen strekker seg over to semester, og er i hovedsak viet planlegging og gjennomføring av et større, selvstendig animasjonsprosjekt (eksamensproduksjon). Dette kan for eksempel være en animert kortfilm, en animert reklame eller informasjonsfilm, produksjon av en animert grafisk profil for et fjernsynsprogram, eller en animert profil for et firma eller en organisasjon på fjernsyn eller web.

Studenten skal innen begynnelsen av november i 4.semester presentere idé, manus, storyboard, produksjonsplan og kalkyle for produksjonen. Dette skal godkjennes før studenten får jobbe videre med prosjektet.

#### **Vurdering og eksamen**

Studenten skal alene eller sammen med en eller to andre studenter ha gjennomført en større **eksamensproduksjon**. Det settes ingen begrensning i forhold til lengde eller innhold, men studenten skal gjennom dette arbeidet vise at hun/han har kunnskaper som kreves for å planlegge og gjennomføre til fastsatt tid en produksjon med profesjonelle krav til innhold og utførelse.

Til eksamensproduksjonen skal det skrives en **metoderapport** på minimum 10 sider (12 pkt. skriftstørrelse, halvannen linjeavstand), som skal inneholde en drøfting av og refleksjon omkring produksjonen. Rapporten skal ha sin teoretiske basis i pensum for modulene Animasjonsteori 1-5.

Synopsis, manus, storyboard, produksjonsplan og kalkyle skal også legges ved, samt kopier av skjema som er fylt ut til TONO/NCB dersom det er brukt opphavsrettbeskyttet materiale.

Studenten skal i løpet av høst eller vår gjennomføre en ekstern praksis på minimum 4 uker. Studenten gjør selv avtale med praksissted. Senest *en* uke etter endt praksis skal studenten legge fram for faglærer en **praksisrapport** som skal beskrive hva som er gjort i perioden.

Praksisrapporten skal være på minimum 5 sider (12 pkt. skriftstørrelse, halvannen linjeavstand), og skal inneholde følgende:

- en kort informasjonsdel om produksjonsmiljøet.
- en beskrivelse av arbeidet studenten har gjort.
- en beskrivelse og vurdering av produksjonsrutiner og organisering.
- en vurdering av forhåndsinformasjonen fra praksisstedet.
- en vurdering av faglig/sosial oppfølging og respons.
- en evaluering av eget arbeid.
- forslag til endringer som kunne ha økt utbyttet av praksisperioden.
- konklusjon.

I tillegg skal studenten legge ved en **dagbok** fra praksisperioden. Denne dagboken må være attestert av praksisstedet for å bli godkjent.

Modulen vurderes med en **muntlig eksamen** på slutten av 6.semester. Vurderingen tar utgangspunkt i eksamensproduksjon, metoderapport, og pensum i Animasjonsteori 1 til 5. Studentene må ha levert en godkjent praksisrapport for å få lov til å gå opp til eksamen.

### **Pensum:**

Se Animasjonsteori 5.

## **Animasjonsteori 5 (10 studiepoeng)**

Modulen strekker seg over to semester, og gir en dypere innføring i emnene fortellerteknikk, klipp og dramaturgi. Modulen gir også en videre innføring i bruk av lyd og lys i animasjon, samt en innføring i skuespillerkunst for animatører. Undervisningen kan delvis bli gitt gjennom seminarer og workshops.

### **Vurdering og eksamen**

Denne modulen er teoretisk basis for Animasjon 5 og inngår i muntlig eksamen for dette kurset.

### **Pensum:**

Daniel Arjion: Grammar of the Film Language, (1995, ISBN: 187950507X)

Christopher Vogler: "Mapping the journey - A practical guide". Fra The Writers Journey, (1992, ISBN 0330375911)

Tomlinson Holman: Sound for Film and Television. (1997. ISBN: 0240802918)

Ed Hook: Acting for Animators. (2001. ISBN: 0325002290)

### **Annen anbefalt litteratur:**

Jacky Bretaudeau: Layout (Brüssel 1998)

Bernard Deyriès: Storyboarding an Animated Series (Brüssel 1998)

Christopher Vogler: The Writers Journey. (1998, ISBN 0941188701)

Thomas & Johnston: The Illusion of Life, (1997, ISBN: 0786860707)

Preston Blair: Cartoon Animation, (1995, ISBN 1560100842)

Shamus Culhane: Animation from Script to Screen. (1990, ISBN 0312050526)

J.Busby & M.Bousquet: Mastering the Art of Production with 3d Studio Max 4 (2001, ISBN 0766834700)

M.Bousquet: 3D Studio Max 4. Quick Reference. (2001, ISBN 0766838889)

Simon Danaher: Digital 3D Design. The Use of 3D Applications in Digital Graphic Design (2001, ISBN 0823012964)

Katherine Ulrich: Flash 5 for Windows & MacIntosh.(2000, ISBN 0201716143)

Mark Clarkson: Flash 5 Cartooning (2001, ISBN 0764535471)

H.Whitaker & J.Halas: Timing for Animation (2002, ISBN 0240517148)

Naomi Klein: No Logo. Taking aim at the brand bullies (2001, ISBN 0006530400)

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [FJERNSYNSREPORTASJE OG DOKUMENTAR, 60 SP](#)
  - [OPPTAKSKRAV](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [Pensum](#)

## FJERNSYNSREPORTASJE OG DOKUMENTAR, 60 SP

(1-årig påbyggingsstudium)

### OPPTAKSKRAV

Studiet byggjer på fullført journalistutdanning med fjernsynsspesialisering frå HVO eller tilsvarande. Søkjarane må kjenne til dei praktiske og tekniske elementa ved ein videoproduksjon. Dei må sjølve kunne gjere lyd- og videoopptak og kunne redigere.

Søkjaren skal gjere greie for motiva for å søkje studiet. Vidare skal søknaden innehalde ei skisse til ein dokumentar eller reportasje. Søkjaren kan også leggje ved eksempel på produksjonar han/ho har delteke i. Før endeleg opptak kan eit utval av søkjarane få tilsendt ei oppgåve som skal løysast og returnerast til opptakskomiteen.

### MÅL

Målet med studiet er gjennom praktisk produksjon og teoretisk undervisning å kvalifisere studentane for programproduksjon innan fjernsinsreportasje og dokumentar. Studiet disponerer profesjonelt videoutstyr.

### INNHALD

Studiet er eit praktisk-teoretisk studium der studentane:

- får kunnskap om arbeidsmåtar og historie innan dokumentar og reportasje
- blir kjende med ulike teoretiske syn på film/fjernsyn
- får høve til å lage produksjonar med rettleiing og evaluering
- får arbeide med ei teoretisk oppgåve knytt til dokumentar og reportasje.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

I haustsemesteret skal studentane lage obligatoriske øvingsproduksjonar etter vaktplan og med klåre tidsrammer. Fagfunksjonane vil rullere. Produksjonane blir knytte til undervisninga i fjernsinsreportasjens og dokumentarens historie og metode, med filmvisningar og analysar. Produksjonane blir vurderte av faglærar. Alle oppgåvene må vere godkjende før studentane kan ta til med opptak av eksamensproduksjonen.

Samstundes skal studentane, aleine eller i smågrupper, gjere undersøkingar og utvikle eit manuskript med produksjonsplan for ein potensiell eksamensfilmproduksjon i vårsemesteret innafor ei gitt kostnadsramme. Produksjonsvedtak blir fatta før jul.

Studentane kan ha 7 veker ekstern praksis i 2. semester. Her vil både kringkastingselskap og den private film- og videobransjen vere aktuelle praksisstader.

Ekstern praksis skal dokumenterast og evaluerast gjennom ein praksisrapport.

Det praktiske arbeidet vil i resten av 2. semester bli konsentrert om opptak og ferdiggjering av eksamensproduksjonane. Teoriundervisninga frå 1. semester vil halde fram i 2. semester.



## VURDERING OG EKSAMEN

### **Historie og metode (15 sp)**

Dette er ein 6 timars eksamen i 1. semester.

### **Teori (15 sp)**

Dette er ein todelt eksamen som tek til med skriftleg heimeeksamen ei veke i 2. semester. Eksamen blir avslutta med ei munnleg høyring i pensum og diskusjon av heimeoppgåva. Karakteren etter skriftleg eksamen vert justert etter munnleg.

### **Produksjon (15 + 15 sp)**

Dei første 15 studiepoenga er knytte til det praktiske arbeidet i 1. semester. Kurset blir avslutta i 2. semester med ei vurdering og diskusjon av eksamensproduksjonen. Saman med eksamensproduksjonen skal det leverast metoderapport. Karakteren på eksamensproduksjon vert justert etter munnleg.

### **Produksjonar og produksjonsrettar**

Studentane må kjøpe eller betale depositum for kassetar til opptak og redigering.

Studentane ved dette studiet har dei kommersielle rettane til eksamensfilmproduksjonen. Høgskulen skal ha ein masterkopi for ikkje-kommersiell bruk, t.d. for påmelding til festivalar og marknadsføring av studiet i inn- og utland. Til slikt bruk kan filmene nyttast utan nærare avtale med regissøren. Høgskulen i Volda skal krediterast som produsent.

For dei andre øvingsproduksjonane gjeld dei produksjonsrettane som står omtala i innleiinga.

## PENSUM

Pensumlista nedanfor er rettleiande. Pensum er under revisjon og endelege pensumlister blir delte ut i starten av kvart semester.

### **Dokumentarfilmhistorie og metode:**

Barnouw, Eric: Documentary, A History of Non-Fiction Film. New York 1993.

Birkvad & Diesen: Autentiske uttrykk. Oslo 1995

Kilborn, Richard and John Izod: An introduction to television documentary. - Confronting reality. Manchester Uni.pr 1997.

### **Pensumartikler i historie og metode. HVO 1997.**

### **Tillegglitteratur -Dokumentarfilm og fjernsynsreportasje. HVO 1996**

### **Kildekritikk, presseetikk og pressejus:**

Kvam, Bjarne: Etterforskende journalistikk. IJ 1995

Njaastad, Olav: TV-journalistikk - bildenes fortellerkraft, Oslo : Gyldendal, 1999.

Fosum, Egil: Er nå det så sikkert? - Journalistikk og kildekritikk. Cappelen 1991.

### **Handbok:**

Rabiger, Michael: *Directing the Documentary*. 3rd ed. Boston : Focal Press, c1998

### **Filmanalyse:**

Plantinga, Carl R.: *Rhetoric and representation in nonfiction film* Cambridge University Press, 1997.(Paperback under utgivelse)

Gripsrud, Jostein: Utdrag fra "*Mediekultur, mediesamfunn*".Kapittel: Retorikk og narratologi.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **INFORMASJONSUTDANNING, 180 SP**
  - [MÅL](#)
  - [KOMPETANSE OG YRKE SLIV](#)
  - [OPPBYGGING AV UTDANNINGA - OVERSIKT](#)
  - [1. SEMESTER](#)
    - [Informasjon 1 \(15 studiepoeng\)](#)
    - [Medievitskap 1 \(15 studiepoeng\)](#)
  - [2. SEMESTER](#)
    - [Informasjon 2 \(15 studiepoeng\)](#)
    - [Medievitskap 2 \(15 studiepoeng\)](#)
  - [3. SEMESTER](#)
    - [Journalistikk 1 \(15 studiepoeng\)](#)
    - [Medievitskap 3 \(15 studiepoeng\)](#)
  - [4. SEMESTER](#)
    - [Informasjon 3 \(15 studiepoeng\)](#)
    - [Valfrie modular \(15 studiepoeng\)](#)
  - [5. SEMESTER](#)
    - [Valfrie modular \(30 studiepoeng\)](#)
  - [6. SEMESTER](#)
    - [Valfrie modular \(10 studiepoeng\)](#)
    - [Informasjon 4 \(20 studiepoeng\)](#)

## INFORMASJONSUTDANNING, 180 SP

(3-årig utdanning som gir bachelorgrad)

### MÅL

Målet med informasjonsutdanninga er å

- kvalifisere til informasjonsarbeid spesielt i offentleg sektor, men også i organisasjonar og private føretak.
- gi studentane analytiske reiskapar som gjer dei i stand til å tolke og forstå informasjonsfaglege problemstillingar, og kunne kople teori med praktisk arbeid.
- gjere studentane i stand til å definere problem og målsetjingar, vurdere ulike verkemiddel og gjennomføre konkrete informasjonstiltak.
- gi studentane eit medvite forhold til tale-, bilde- og skriftspråk.

### KOMPETANSE OG YRKE SLIV

Informasjonsutdanninga kvalifiserer for Informasjonsfagleg arbeid i offentleg forvaltning og i private organisasjonar og bedrifter. Utdanninga gir studentane analytiske reiskapar som både gjer dei i stand til å tolke og å forstå Informasjonsfaglege problemstillingar, og til å kople teori med praktisk arbeid. Studentane skal bli i stand til å definere problem og målsetjingar, vurdere ulike verkemiddel og gjennomføre konkrete informasjonstiltak. I dag har informasjonsmedarbeidaren ofte ein rådgivande funksjon knytt til leiinga i ulike organisasjonar og føretak. Studiet legg difor vekt på at studentane må kunne analysere kritisk kva som er kommunikasjonsproblem, og kva ein organisasjon må løyse på andre måtar. Slike analysar skal gi grunnlag for å kunne setje ut i livet informasjons- og

kommunikasjonstiltak retta mot samfunnet rundt og eigen organisasjon. Utdanninga vil òg vere ei god spesialisering kombinert med andre samfunnsvitenskaplege eller humanistiske fag.

## OPPBYGGING AV UTDANNINGA - OVERSIKT

SEMESTER	MODULAR	
1 (haust)	<b>Informasjon 1 (15 sp)</b>	<b>Medievitskap 1 (15 sp)</b>
2 (vår)	<b>Informasjon 2 (15 sp)</b>	<b>Medievitskap 2 (15 sp)</b>
3 (haust)	<b>Journalistikk 1 (15 sp)</b>	<b>Medievitskap 3 (15 sp)</b>
4 (vår)	<b>Informasjon 3 (15 sp)</b>	<b>Valfri modul (15 sp)</b>
5 (haust)	<b>Valfri modul (15 sp)</b>	<b>Valfri modul (15 sp)</b>
6 (vår)	<b>Valfri modul (10 sp)</b>	<b>Informasjon 4 (20 sp)</b>

Dei valfrie modulane vert fastsett etter samråd med avdelinga i samband med oppsett av utdanningsplan.

### 1. SEMESTER

#### Informasjon 1 (15 studiepoeng)

##### *Mål*

Innføring i sentrale omgrep, teori, modellar og roller i informasjonsfaget.

##### *Innhald*

Dette er ein todelt innføringsmodul. Den teoretiske delen legg vekt på grunnleggjande kommunikasjonsomgrep, der teoriar og modellar blir presentert og diskutert. Informasjonsfaget får ei teoretisk og organisatorisk plattform. Etter at denne plattformen er lagt gir modulen ei innføring i informasjonsarbeidet sine fasar: Situasjonsanalyse, mål og målsetting, planlegging, målgruppeanalyse, kommunikasjonsstrategi og -evaluering med hjelp av ulike metodar. Så følgjer ein gjennomgang av ulike tilskrivne og tileigna roller som informasjonsmedarbeidaren kan ha i ein organisasjon. Modulen inneheld og ei drøfting av informasjon, demokrati og samfunn. Den statlege informasjonspolitikken omfattar rettar og plikter både for den einskilde og for statlege og kommunale organ. Openheit, innsyn og informasjonsplikt blir tematisert og forvaltningsrett og innsynslov blir gjennomgått.

I den praktiske delen blir det lagt vekt på å bruke innsikta frå den teoretiske plattformen i arbeid med konseptutvikling, brosjyreproduksjon, presentasjon av små og store saker eller saksforhold tilpassa ulike arenaer, ulike teknikkar og ulike mottakarar. Gjennom øvingar og medieprodukt skal studentane lære god og korrekt språkleg formidling i ulike sjangrar. Det blir og gitt ei innføring i grafisk design og visuell kommunikasjon. Det er obligatorisk deltaking.

##### *Organisering og arbeidsmåtar*

Forelesingar, seminar, gruppearbeid og praktisk og teoretisk oppgåveløysing. Undervisninga vert gitt i haustsemesteret.

##### *Vurdering*

Modulen blir avslutta med ein 6 timars skuleeksamen.

Den praktiske delen blir vurdert som stått/ikkje stått av faglærer på grunnlag av arbeidet i praksisperioden. Dette skal vere dokumentert med godkjende arbeid i ei arbeidsmappe i form av produkt, logg og sluttrapport til prosjektet. Informasjonspraksisen må vere godkjend av faglærer før studenten kan ta del i ekstern praksis i 6. semester.

##### *Pensum*

Reviderte pensumlister blir lagt ut på nettet ved starten av semesteret:

[Pensum h2002-v2003](#)

#### Medievitskap 1 (15 studiepoeng)

Medievitskap er eit sentralt fag i informasjonsutdanninga fordi det gir ei grunnleggjande forståing for det mediasamfunnet informasjonsmedarbeidaren vil arbeide i. **Sjå eigen plan.**

## 2. SEMESTER

### Informasjon 2 (15 studiepoeng)

For å kunne begynne på Informasjon 2 må praksisdelen i Informasjon 1 vere stått.

#### *Mål*

Studentane skal kjenne og kunne vurdere dei sentrale spørsmål og tema innan organisasjonsteori, internkommunikasjon, krisekommunikasjon og kulturelt mangfald.

#### *Innhald*

Denne er ein totrinns modul som er sett saman av ein teoretisk og ein praktisk del. Den byggjer på Informasjon 1. Modulen skal vere ei vidareføring og fordjuping i sentrale omgrep, teori og modellar i informasjonsfaget. Dei teoretiske emna i denne modulen er organisasjonsteori, internkommunikasjon og krise/risiko-kommunikasjon. Evaluering av formidlingsteknikkar, informasjonsprodukt og informasjonsstrategiar. Dei informasjonsfaglege utfordringane knytt til kulturelt mangfald innanfor og på tvers av kulturar blir og tematisert her.

I den praktiske delen skal denne kunnskapsbasen nyttast i gruppearbeid med prosjektstyring og prosjektarbeid, planlegging og gjennomføring av tiltak. Dei endelege produksjonane skal spegle eit teoretisk og metodisk medvit. Dette gjeld òg språk og formidling. Perioden omfattar innføring i produksjonsteknikkar gjennom praktiske øvingar. Det er obligatorisk deltaking, og det blir stilt store krav både til samarbeidsevne og sjølvstende hos studentane. Produksjonsoppgåver er obligatoriske og må gjerast for å få kurset godkjent. Om kurset ikkje blir godkjent, har studentane ikkje rett til å gå vidare til internpraksis i Informasjon 3.

#### *Organisering og arbeidsmåtar*

Forelesingar, seminar, gruppearbeid og praktisk og teoretisk oppgåveløysing.

#### *Vurdering*

Denne modulen vert avslutta med ein 14 dagars heimeeksamen (omfang omlag 15 s) med pensum frå informasjon 2.

Den praktiske delen blir vurdert som stått/ikkje stått av faglærer på grunnlag av arbeidet med to praktiske, pensumrelaterte oppgåver gitt av faglærer. Dette skal vere dokumentert med godkjende arbeid i arbeidsmappa i form av produkt, logg og sluttrapport til prosjektet. Informasjonspraksisen må vere godkjend av faglærer før studenten kan ta del i ekstern praksis i 6. semester.

#### *Pensum:*

Reviderte pensumlister blir lagt ut på nettet ved starten av semesteret:

[Pensum h2002-v2003](#)

### Medievitskap 2 (15 studiepoeng)

Sjå eigen plan

## 3. SEMESTER

### Journalistikk 1 (15 studiepoeng)

Sjå eigen plan (journalistutdanning)

### Medievitskap 3 (15 studiepoeng)

Sjå eigen plan

## 4. SEMESTER

### Informasjon 3 (15 studiepoeng)

Denne modulen byggjer på Informasjon 2 og Journalistikk 1. Desse kursa må vere godkjende.

#### *Mål*

*Gjennom ei vidareføring og fordjuping i analyse, prosjektstyring, planlegging og bruk av ulike informasjonsfaglege*

*verkemiddel skal studentane demonstrere kunnskap og evne til å løyse faktiske informasjonsproblem i samarbeid med regionale aktørar av ulik storleik.*

### **Innhald**

Modulen er todelt og sett saman av ein teoretisk og ein praktisk del. Den byggjer på Informasjon 1 og 2, og tek sikte på å vidareutvikle og skjerpe studentane sine analytiske evner. Den teoretiske delen inneheld ei utdjuping av kommunikasjon i organisasjonar, mellom organisasjonar og mellom organisasjonar og samfunn. Den teoretiske delen av modulen omfattar organisasjonsteori, organisasjonskommunikasjon, forskningsteori og metodar i fagområda informasjon, «public relations», planlegging og kommunikasjon.

Den praktiske delen i modulen er igjen todelt: Ein journalistisk praksis med internavis og eit arbeid med eit informasjonsprosjekt. Det vil bli stilt krav til språk- og formidlingsdugleik. Studentane skal trenast i å løyse faktiske informasjonsfaglege problem med regional forankring. Analysedelen inneheld både kvantitative og kvalitative ulike evalueringsmetodar. Til praksisen høyrer ein sluttrapport til prosjektet i tillegg til logg og andre arbeidsdokument som avdelinga kan krevje (sjå semesterplan). Det er obligatorisk deltaking. Informasjonsprosjektet må vere godkjend av faglærer før studentane kan ta del i ekstern praksis i 6. semester. Faglærer kan i tillegg leggje ei kontrollprøve i perioden.

### **Organisering og arbeidsmåtar**

Forelesingar, seminar, gruppearbeid, praktisk og teoretisk oppgåveløysing og intern praksis.

### **Vurdering**

Den teoretiske delen vert avslutta med ei munnleg høyring. Den munnlege høyringa byggjer på pensum frå informasjon 1, 2 og 3, samt ei vurderingsmappe som inneheld sluttrapportane frå praksisarbeidet i informasjon 1, 2 og 3 (ikkje over 14 sider).

Den praktiske delen i dette semesteret blir vurdert som stått/ikkje stått av faglærer på grunnlag av arbeidet i praksisperioden. Dette skal vere dokumentert med godkjende arbeid i ei arbeidsmappe i form av produkt, logg og sluttrapport til prosjektet. Faglærer gir nærare beskjed om antall *produkt* som skal inn i arbeidsmappa. Informasjonspraksisen må vere godkjend av faglærer før studenten kan ta del i ekstern praksis i 6. semester.

### **Pensum**

Reviderte pensumlister blir lagt ut på nettet ved starten av semesteret: [Pensum h2002-v2003](#)

### **Valfrie modular (15 studiepoeng)**

Om studenten vel eit utanlandsopphald må studenten levere ein rapport eller oppgåve. Denne vert utarbeid i samråd med faglærer.

## **5. SEMESTER**

### **Valfrie modular (30 studiepoeng)**

Om studenten vel eit utanlandsopphald må studenten levere ein rapport eller oppgåve. Denne vert utarbeid i samråd med faglærer.

## **6. SEMESTER**

### **Valfrie modular (10 studiepoeng)**

Om studenten vel eit utanlandsopphald må studenten levere ein rapport eller oppgåve. Denne vert utarbeid i samråd med faglærer.

### **Informasjon 4 (20 studiepoeng)**

Denne modulen byggjer på fullført og godkjend Informasjon 3

### **Mål**

Studenten skal få kjennskap til yrkesrolla gjennom ekstern praksis i utvalde større offentlege verksemder, organisasjonar og bedrifter. I bacheloroppgåva skal studenten vise metodisk og teoretisk refleksjon i eit sjølvstendig vitskapleg arbeid.

**Innhald**

I dette semesteret skal studenten få ei innføring i yrkesrolla gjennom ekstern praksis i ein organisasjon. I bacheloroppgåva skal studentane vise at dei har ei analytisk tilnærming til arbeidet. Til denne modulen høyrer 1000 sider pensum. Studenten skal levere ei sjølvvald pensumliste på 400 sider knytt til bacheloroppgåva.

I tillegg vil faglærer setje opp eit obligatorisk pensum på 600 sider henta frå ulike fagseminar. Temaet og pensumet for desse seminara vil variere frå år til år, og vert klart til starten av modulen.

**Organisering og arbeidsmåtar**

Forelesingar, grupper og gjennom individuell rettleiing. Ekstern praksis i ein organisasjon godkjend av faglærer, med kontaktperson/rettleiar på arbeidsplassen og på høgskulen. Til bacheloroppgåva får studenten individuell rettleiing.

**Vurdering**

Vurdering av ein 10 siders rapport etter ekstern praksis. Munnleg, obligatorisk presentasjon for faglærer og andre studentar, godkjend/ikkje godkjend.

Den teoretiske delen av utdanninga vert avslutta med bacheloroppgåva. Bacheloroppgåva skal vere på om lag 25 sider og byggje på pensum frå alle informasjonsbolkane, vurderast med karakter. Ei munnleg eksamen med samtale om bacheloroppgåva og heile informasjonspensum justerer karakteren på bacheloroppgåva.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- **[JOURNALISTUTDANNING, 180 SP](#)**
  - [KOMPETANSE OG YRKESLIV](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [OPPBYGGING AV UTDANNINGA - OVERSIKT \(tilrådd modell\)](#)
  - [Oversikt over dei einskilde kursa](#)
  - [Organisering og arbeidsmåtar](#)
  - [Krav til gjennomføring av studiet](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [Eksamen](#)
  - [Pensum](#)
    - [Journalistikk 1 \(15 sp\)](#)
    - [Journalistisk arbeidsteknikk \(5+5 sp\)](#)
    - [Journalistikk 2 \(20 sp\)](#)
    - [Journalistikk 4 \(15 sp\)](#)

## JOURNALISTUTDANNING, 180 SP

(3-årig utdanning som gir bachelorgrad)

### KOMPETANSE OG YRKESLIV

Journalistutdanninga ved Høgskulen i Volda utdannar journalistar til redaksjonar i heile landet. Dei fleste studentane får attraktive praksisplassar i presse og kringkasting. Studentane har rett til medlemskap i Norsk Journalistlag og får ved medlemskap Norsk Presseforbund sitt pressekort.

Journalistyrket er eit fritt yrke som rekrutterer folk frå ulike utdanningar. Vel tretti prosent av utøvande journalistar i Norge har journalistutdanning. Stadig fleire vel journalistutdanning som innfallspørt til eit yrke som ønskjer kunnskapsrike, kreative journalistar med ei bevisst haldning til yrkesrolla si.

### MÅL

Målet med journalistutdanninga er å

- gi opplæring og øving i journalistisk arbeid,
- gi kunnskap om ulike media, deira rolle og oppgåver,
- gjere studentane kjende med forskning om massemedia, journalistikk, journalistisk etikk og arbeidssituasjonen for journalistar,
- gi kunnskap og innsikt i aktuelle samfunnsprosmål, og øve opp evna til å nytte samfunnsvitskaplege analysemodellar,
- gi studentane eit medvite høve til tale-, bilde- og skriftspråket som sosialt fenomen og kommunikasjonsmiddel,
- utvikle studentane sine evner til samarbeid og utvikle kollektivt ansvar.

### INNHALD

Bachelorgraden i journalistikk ved Høgskulen i Volda gir i alt 180 studiepoeng og er sett saman slik:

Journalistikk: 90 studiepoeng

Medievitskap: 45 studiepoeng

Andre, valfrie fag: 45 studiepoeng

## OPPBYGGING AV UTDANNINGA - OVERSIKT (TILRÅDD MODELL)

SEMESTER	MODULAR	
1 (haust)	<b>Journalistikk 1 (15 sp)</b>	<b>Medievitskap 1 (15 sp)</b>
2 (vår)	<b>Medievitskap 2 (15 sp)</b>	<b>Valfri modul (15 sp)</b>
3 (haust)	<b>Journalistisk arbeidsteknikk 1 + 2 (10 sp)</b>	<b>Valfri modul (20 sp)</b>
4 (vår)	<b>Journalistikk 2 med intern praksis (20 sp)</b>	<b>Valfri modul (10 sp)</b>
5 (haust)	<b>Journalistikk 3 med intern praksis (15 sp)</b>	<b>Medievitskap 3 (15 sp)</b>
6 (vår)	<b>Journalistikk 4 (15 sp)</b>	<b>Journalistikk 5 med ekstern praksis (15 sp)</b>

Modulane i journalistikk og medievitskap må takast i stigande rekkefølge. Studentane må velje spesialisering i avis, fjernsyn eller radio før kurset Journalistikk 2. Studentar som gjennomfører studiet på to år må ta journalistisk arbeidsteknikk første året.

Studentane bestemmer sjølv om dei vil legge dei valfrie modulane i 1. eller 2. studieår. Det same gjeld kursa Journalistikk 1 og 2, Medievitskap 1 og 2. Dei valfrie modulane vert fastsett etter samråd med avdelinga i samband med oppsett av utdanningsplan.

Kravet for å starte på 3.studieår er at studentane har oppnådd 120 studiepoeng, gjennomført og bestått Journalistikk 1 og 2 og Journalistisk arbeidsteknikk 1 og 2, gjennomført og bestått Medievitskap 1 og 2.

## OVERSIKT OVER DEI EINSKILDE KURSA

### ***Journalistikk 1 (15 sp, undervisning i haustsemesteret)***

- innføring i journalistikk med vekt på nyhende

### ***Journalistisk arbeidsteknikk 1 (5 sp, undervisning i haustsemesteret)***

- innføring i tekniske arbeidsreiskapar knytt til spesialiseringane.

### ***Journalistisk arbeidsteknikk 2 (5 sp, undervisning i haustsemesteret)***

- innføring i fleirmediale teknikkar.

### ***Medievitskap 1 - 3 (15 + 15 + 15 sp)***

- sjå eigen plan

### ***Journalistikk 2 (20 sp, undervisning i vårsemesteret)***

- innføring i undersøkjande journalistikk  
- fleirmedial internpraksis (redaksjonelt arbeid)

### ***Journalistikk 3 (15 sp, undervisning i haustsemesteret)***

- intern, redaksjonell praksis

### ***Journalistikk 4 (15 sp, undervisning i vårsemesteret)***

- analyserande, kommenterande og skildrande journalistikk

### ***Journalistikk 5 (15 sp, undervisning i vårsemesteret)***

- journalistisk praksis (avis, radio eller fjernsyn), eksamensproduksjon og spesialiseringssum

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Journalistikkundervisninga går over fire semester. Føremålet med kurset er å gi studentane systematisk trening i journalistisk arbeid og kunnskapar om journalistikk som fag. Kurset er arbeidskrevjande med obligatoriske innleveringsoppgåver og obligatorisk deltaking i interne øvingsproduksjonar. Studentane skal gjennomføre



journalistiske øvingar og vurdere sine egne arbeid i høve til relevant teori. I studiet går ein frå dei enklaste journalistiske arbeidsteknikkane og til meir sjølvstendig og personleg journalistikk.

### **God journalistikk krev dugleik på desse områda:**

#### **a) Journalistiske idear og nyhendevurdering**

Journalistar må kvar dag vurdere idear og prioritere nyhende. I tillegg til god allmennkunnskap er sentrale hjelpemiddel teori om medias rolle og funksjon i samfunnet, om nyhendekriterium og nyhendekjelder. Området blir dekt gjennom forelesingar og øvingsoppgåver i plenum og gruppevis i redaksjonane, og omfattar både lokale og nasjonale nyhende. Dette er eit sentralt tema i første semester.

#### **b) Journalistisk undersøking**

Journalistisk undersøking er viktig i all reportasje. Sjølvstendig journalistisk undersøking er eit vilkår for ein uavhengig journalistikk, og målet med kurset er å sette studentane i stand til å gjennomføre prosjekt i undersøkjande journalistikk.

Undervisninga startar med grunnleggjande teknikkar som referat- og intervjuteknikk, og til faget høyrer også kjeldekunnskap, kjeldekritikk og innsynsrett. Undervisninga blir gitt som forelesingar og obligatoriske oppgåver. Kjeldekart, oppbygging av indeksar og kronologiske oversyn vert nytta som arbeidsreiskapar i kurset.

#### **c) Mediespråk og formidling**

Målet med undervisninga er å gjere studentane medvitne om sentrale eigenskapar ved skriftspråk, talespråk og bildespråk. Sjangerkonvensjonar, retorikk, språksosiologi og språknormering blir tatt opp i undervisninga. Gjennom øvingar og medieprodukt skal studentane lære god og korrekt språkbruk, og bli i stand til å dyrke fram ein personleg stil.

Undervisninga startar i første semester med innføring i sjangerkonvensjonar for talt og skrive mediespråk, særleg knytt til nyheitsformidling. I andre semester tek ein for seg tilhøvet mellom skrift og tale, og retningslinjer for individuell og redaksjonsbestemd språkbruk, avhengig av sjanger/format. I tredje og fjerde semester er språksosiologiske emne som språk, makt og kjønn handsama, og pensum inneheld også fagartiklar om særdrag ved språkbruk og formidlingsmåtar i radio, fjernsyn og avis.

#### **d) Medieetikk**

Gjennom forelesingar, praktiske døme og oppgåver får studentane kunnskapar om medieetikk og korleis den avgrensar seg til lovgjevinga.

I første semester får studentane ei grunnleggjande innføring i medieetikk og det lovverket som regulerer journalistisk arbeid. I andre semester arbeider studentane vidare med sentrale område som pressefridom, pressejus og kjeldevern. I tredje semester er det målsettinga at studentane skal utvikle sine evner til å analysere og vurdere medieetiske problem.

#### **e) Journalistisk arbeidsteknikk**

Føremålet med kursa er å lære bruk av ulike tekniske arbeidsreiskapar i journalistisk undersøking og formidling. Studentar som ikkje har grunnleggjande kunnskapar om bruk av datamaskinar, må skaffe seg dette.

Studiet er lagt opp med kombinasjon av teori og praksis med forelesingar, praktiske døme, oppgåver og øvingar innanfor dei ulike emna og knytt til spesialiseringane. Studentane skal mellom anna gjennomføre journalistiske øvingar og vurdere sine egne arbeid i høve til relevant teori. I studiet går ein frå dei enklaste journalistiske arbeidsteknikkane og til meir sjølvstendig og personleg journalistikk.

#### **Gruppeundervisning for avis:**

Innføring i bruk av teknisk utstyr til produksjon av internavis, intervjuteknikk.

#### **Gruppeundervisning for radio:**

Innføring i bruk av teknisk utstyr til produksjon og avvikling av radiosendingar, intervjuteknikk og munnleg framføring.

#### **Gruppeundervisning for fjernsyn:**

Innføring i bruk av teknisk utstyr til produksjon og avvikling av fjernsynssendingar, intervjuteknikk og munnleg framføring.

## **KRAV TIL GJENNOMFØRING AV STUDIET**

**Oppgaver i journalistikk**

I alle semestra er det obligatoriske oppgaver, individuelle og/eller gruppeoppgaver. Det er som regel korte fristar for å løyse oppgåvene. Skriftlege oppgaver skal skrivast med tekstbehandling. I oppgåveteksten står innleveringsfrist, innleveringsstad og tidspunkt for tilbakelevering av oppgavesvara.

**Retting av oppgaver**

Studentane får kommentarar på journalistisk innhald og språk. Oppgåvene får karakteren stått/ikkje stått. Den som rettar oppgåva avgjer åleine karakteren. Studentar som får karakteren ikkje stått har høve til å levere nytt svar på same oppgåva to gonger. Får ei oppgåve karakteren ikkje stått for tredje gong må studenten levere svar etter ny oppgåvetekst.

Studentar som leverer ei oppgåve etter innleveringsfristen, har ikkje krav på å få retta ho før i slutten av semesteret, ei veke etter innleveringsfristen for den siste oppgåva. Dersom oppgavesvaret ikkje vert levert før oppgåvegjennomgangen, må studenten løyse ny oppgåve. Studentar har ikkje rett til å delta i intern praksis ved høgskulen før alle obligatoriske oppgaver i journalistikk 1 er godkjende.

**Journalistisk arbeidsteknikk**

Undervisninga er knytt til spesialiseringane. Det er obligatorisk deltaking. Studentar som ikkje er til stades når bruk av teknisk utstyr blir gjennomgått, må dokumentere overfor faglærer at dei har nødvendig kunnskap om faremoment og bruk av utstyr. Kursa blir avslutta med ein praktisk eksamen med karakteren stått/ikkje stått.

**Obligatorisk praksis**

Det er fire periodar med obligatorisk praksis. I dei tre første periodane er det intern praksis, og studentane arbeider i øvingsmedia ved avdelinga, avis/nettavis, radio eller fjernsyn. I siste semester blir studentane som hovudregel utplasserte i riksdekkjande eller regionale medieverksemdar. Praksisutplasseringa blir avtalt mellom faglærer og vedkomande medieverksemd, og fordelinga tek omsyn til studentane sine ønskje.

I internpraksisen får studentane rettleiing og evaluering. Studentane skal delta i evalueringa av studentproduksjonane, og dette kan gå inn i vaktplanen.

For å ha rett til ekstern praksisplass må studenten ha fullført alle eksamenar og obligatoriske oppgaver i journalistikk 1 - 3 og medievitskap I + 2.

For den interne praksisen blir det laga egne vaktplanar. Studentane må fylgje planen og gjere oppgåvene dei blir tildelte.

**VURDERING OG EKSAMEN****Eksamensproduksjon, praksis- og metoderapport**

Til eksamen i Journalistikk V skal studenten levere eksamensproduksjon og ein todelt skriftleg rapport, første del om den eksterne praksisperioden, andre del om arbeidet med eksamensproduksjonen (metoderapport).

Eksamensproduksjonen er eit eige arbeid innanfor den spesialiseringa studenten har valt. Studenten kan legge fram stoff frå ekstern praksis som eksamensproduksjon. I den skriftlege rapporten skal studenten dokumentere arbeidet ho eller han har utført i den eksterne praksisperioden, og presentere kvalifiserte refleksjonar i høve til praksis og rutinar på praksisstaden (inntil 8 sider utanom vedlegg). I andre del skal studenten drøfte arbeidet med eksamensproduksjonen og legge fram si vurdering av produksjonen (om lag 8-10 sider utanom vedlegg).

**Eksamen****Journalistikk 1 (15 sp):**

Individuell skriftleg 6 timars eksamen

**Journalistisk arbeidsteknikk 1 + 2 (5 + 5 sp):**

Munnleg eksamen (karakteren er stått/ikkje stått)

**Journalistikk 2 (20 sp):**

Individuell skriftleg 6 timars eksamen

**Journalistikk 3 (15 sp):**

Mappevurdering av arbeid frå praksisperioden

### **Journalistikk 4 (15 sp):**

Individuell skriftleg 6 timars eksamen

### **Journalistikk 5 (15 sp):**

Eksamensproduksjon og munnleg eksamen

Til avsluttande eksamen (Journalistikk 4 og 5) blir det venta at studenten har eit heilskapleg oversyn over kunnskapane som er blitt formidla i utdanninga.

## **PENSUM**

Pensumlistene nedanfor er rettleiande. Pensum er under revisjon og endelege pensumlistar blir delte ut ved starten av kvart semester.

### **Journalistikk 1 (15 sp)**

#### **Grunnbøker:**

Matre, Hans Erik: "Det offentlige rom i det norske hus", i Stig Finslo (red): *Kvalitet i journalistikken*, Fredrikstad 1997.

Østlyngen, Trine og Turid Øvrebø: *Journalistikk - Metode og fag*, Oslo 1998

Øy, Nils E: *Den logiske arbeidsprosess i journalistikk*, Volda 1995

#### **Undersøking:**

Dypvik, Hans Martin (red.): *Kommunaljournalistikk*, kap.1-3, Oslo 1993

Haaheim, Sjak R: *Kort prosess for journalister. Innføring i strafferett og straffeprosess*, Fredrikstad 1996.

#### **Formidling:**

Roksvold, Thore: *Retorikk for journalister*, Oslo 1989

Aarønæs, Lars: *Pressespråket*, Oslo 1998

I artikkelsamling: *Språk for journaliststudentar 1*, HVO 1999:

Engebretsen, Martin (1992): Utdrag fra *Den forståelige nyhet*. IJ Fredrikstad (11s.)

Lomheim, Sylvfest (1987): *Språket i radio og fjernsyn*. Fra Egil Børre Johnsen (red.): *Vårt eget språk*, bind 1, Asch, Oslo.

Vinje, Finn Erik (1987): *Språket i radio og fjernsyn*. Fra Egil Børre Johnsen (red.): *Vårt eget språk*, bind 1, Asch, Oslo.

#### **Etikk:**

Brurås, Svein: *Etikk i journalistikk*, s.1-162, Fredrikstad 1994

Norsk Presseforbund: *Presseetikk med Vær varsom-plakaten*.

#### **Lommehefter:**

Øy, Nils E.: *Offentlighetsloven med forskrifter*, 6. rev.utg., Fredrikstad 1999

Øy, Nils E: *Mer offentlighet*, 2. rev. utg., Fredrikstad 1995

Øy, Nils E: *Taushet: Om taushetsplikt som grense for offentlighet og som strategi for å hindre misbruk og mistolkning*, Fredrikstad 1994

Øy, Nils E.: *Offentlighet i politiet og domstolene*, Fredrikstad 1993

### **Journalistisk arbeidsteknikk (5+5 sp)**

#### **Avis:**

Sogstad, Knut: *Lay-out*, Fredrikstad 1996

#### **Radio:**

Liestøl, Sverre: *Innføring i lydteknikk*, Volda 2000

Røe, Knut: *Intervjuet i radio og fjernsyn*, Oslo 1990

#### **Fjernsyn:**

Røe, Knut: *Intervjuet i radio og fjernsyn*, Oslo 1990

Rønnestad, Eivind: *Fjernsynsproduksjon. Ein-kamerateknikk i nyheitsarbeid*, Volda 1997

Rønnestad, Eivind: Fjernsynsteknikk. Studioteknikk, Volda 1991  
Schroepel, Tom: The Bare Bones Camera Course for Film and Video, Miami 1982

## **Journalistikk 2 (20 sp)**

### **Undersøking:**

Allern, Sigurd: *Når kildene byr opp til dans*, Oslo 1992  
Breed, Warren: "Social control in the Newsroom", i Wilbur Schramm (red.): *Mass Communications*. Chicago 1975, s. 178-194.  
Dypvik, Hans Martin (red.): *Kommunaljournalistikk*, kap4 og 5, Oslo 1993  
Jacobsen, Jan Krag: *Interview. Kunsten at lytte og spørge*, København 1993  
Kvam, Bjarne: *Etterforskende journalistikk*, Fredrikstad 1995  
Matre, Hans Erik og Nils E. Øy (1998): Kritisk søkelys på injurielov og domstolspraksis, i Stig Finslo (red.): "*Ved redaktør forstås...*". Årbok fra Norsk Redaktørforening. IJ, Fredrikstad.  
Michalsen, Bård: *Om kontrollen over utsagn gitt i intervjuer*, Fredrikstad 1998  
Njaastad, Olav og Arve Paulsen: *Dagens Mening. Bruk av meningsmålinger i journalistikk*, Fredrikstad 1993  
Sejersted, Francis: "Informasjonsfrihet og ytringsfrihet", i Stig Finslo (red.): *Ved redaktør forstås...*, Fredrikstad 1998

Øy, Nils E: *God kritisk journalistikk skal ikke straffes*, Fredrikstad 1994  
Artikkelsamling i språk, Volda 1999

### **Formidling, avis:**

Karlsen, Jo Beck: *Avisreportasjen*, kap. 4 og 5, Oslo 1984  
Formidling, radio:  
Njaastad, Olav (1999): *TV-journalistikk*. S.1-140. AdNotam, Oslo  
Røe, Knut: *Radio*, Oslo 1994  
*Programhåndboka. Programetiske retningslinjer i NRK*, Oslo 1997

### **Formidling, fjernsyn:**

Njaastad, Olav (1999): *TV-journalistikk*. S.1-140. AdNotam, Oslo  
Rønnestad, Eivind (1997): *Fjernsynsproduksjon. Ein-kamerateknikk i nyheitsarbeid*, Volda 1997

## **Journalistikk 4 (15 sp)**

Jordahl, Theo: *Fotorett i mediene*, s. 13-203 og s. 265-298. Oslo 1996.  
Bech-Karlsen, Jo (1991): *Kulturjournalistikk*, Universitetsforlaget. Oslo  
Dypvik, Hans Martin (red.) *Kommunaljournalistikk*, Kap. 3, Oslo 1994.  
Ringheim, Gunnar: *I pressens vold*. Gyldendal. 1993..  
Blix, Arne og Jo Bech-Karlsen: *Hva har vi der å gjøre? Metoder og etikk i katastrofe og ulykkesjournalistikk*, Institutt for journalistikk 1990  
Artikkelsamling: *Språk og formidlingslære 2*. HVO 1999

### **Spesialiseringspensum for avis:**

Lamark, Hege: *Portrettintervjuet som metode og sjanger*. Institutt for journalistikk 1995  
Hansen, Stig & Clas, Thor: *Att skriva reportage*. Ordfront, Stockholm 1990  
Lorentzen, Ludvig: *Petiten*. Institutt for journalistikk 1996.

### **Spesialiseringspensum for radio:**

Dahl, Hans Fredrik: *NRK i fred og krig*, kapittel 2. og 5, Oslo 1990 .  
Futsæter, Knut-Arne og Knut Lundby: *Flerkanalsamfunnet*, Del 1 og 3. Universitetsforlaget 1993.  
*Kommentarhefte til programetiske regler i NRK*. (Under revisjon).  
Artikkelsamling (Under revisjon)

### **Spesialiseringspensum for fjernsyn:**

Braaten, Lars Thomas m.fl: *Introduksjon til film*, Oslo 1994.  
Njaastad, Olav (1999): *TV-journalistikk*. S.1-140. AdNotam, Oslo

Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------



- [MEDIEKUNNSKAP 1, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [Generell del](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [UNDERVISNING OG PENSUM](#)
    - [Oppgavesvar](#)
    - [Medieprodukt](#)
    - [Kollokvi gruppe](#)
    - [Pensum](#)
    - [Eksamen](#)
    - [Karakterar](#)

## MEDIEKUNNSKAP 1, 30 STUDIEPOENG

### GENERELL DEL

#### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Mediekunnskap 1 og 2 er nettbaserte kurs på høgskulenivå. Kursa er sette saman av pensumlitteratur, pensumrettleiing, oppgåveløysing, nettdiskusjonar og praksiselement. Dei blir gjennomførte i samarbeid mellom FB Fjernundervisning og Høgskulen i Volda. Meir om desse studietilboda er å finne på <http://www.fb.no/>

#### **OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE**

Kursa gir formell kompetanse i høgskulesystemet i form av tretti studiepoeng kvar. Mediekunnskap 2 byggjer på Mediekunnskap 1, og normalt må studentane gjennomføre MK 1 før dei kan ta til på MK 2. Men det er også mogleg å ta kursa parallelt, og dette vil i praksis seie at ein må innstille seg på å vere heiltidsstudent i eitt år. Til saman gir dei altså 60 sp, noko som svarar til eitt års fulltidsstudium. Det vert kravd generell studiekompetanse for å melde seg opp til eksamen i kursa.

#### **INNHALD**

Studiet i mediekunnskap gir eit akademisk innsyn i faget, og er ikkje noka yrkesutdanning. Dei praktiske sidene av medieproduksjonen utgjer berre ein mindre del av kurset. Dei tener som støtte til hovudføremålet for kurset: å gi teoretisk kunnskap om massemedia, rolla og funksjonen deira i samfunnet, uttrykksformene og arbeidsmetodane deira; og å gje ei innføring i mediepedagogikk og metodar for analyse og kritikk av media.

Kursa gir kunnskap som vil vere nyttig både for lærarar, journalistar, informasjonsarbeidarar og andre, som tillitsvalde i organisasjonar og arbeidstakarar med informasjonsoppgåver.

#### **MÅL**

Studentane skal tileigne seg:

- ei forståing av kva medievitskap er og kva rolle massemedia spelar i dagens samfunn
- eit oversyn over det norske mediasystemet, mediehistorie, strukturar, institusjonar og organisering
- ei forståing av særpreget, sjangrane og språket til dei viktigaste massemedia
- eit grunnleggjande innsyn i profesjonelle arbeidsmåtar og metodar i dei ulike media

#### **INNHALD**

Tyngdepunktet i MK 1 fell inn under faget medievitenskap. Her vert det lagt eit teoretisk grunnlag i form av ulike modellar for analyse av massemedia, og ein del sentrale funn frå medieforskinga blir presenterte. Media si rolle og funksjon i samfunnet blir presentert, og verknadene deira på enkeltmenneske og samfunn blir drøfta, mellom anna knytt til skule og oppseding.

Kurset inneheld vidare ei fordjuping i m.a. historie, rammevilkår og arbeidsmåtar i dei fire emna "film og video", "dagspresse", "kringkasting" (radio og fjernsyn) og "nye medium" (Internett). Emne som "journalistikk", "nyheiter" og "presseetikk" overlappar alle desse fire delane av studietilbodet. Spesielt for dei enkelte media er emne som "avisøkonomi", "radiohistorie", "programformer i radio", "filmhistorie, filmteori og estetikk" osv.

## UNDERVISNING OG PENSUM

### Oppgavesvar

Studentane skal svare skriftleg på obligatoriske oppgåver og sende oppgavesvara til fjernundervisningslæraren. Det blir gitt kommentarar og karakter på desse innsendingsoppgåvene. Studentane får så høve til å levere eit nytt og forbetra oppgavesvar på same oppgåva etter at læraren har gitt rettleiing. Også dette svaret får karakter. Begge desse oppgavesvara blir lagt i "eksamensmappa" til studenten ved FB. Alle oppgåvene må vere svara på og ha godkjend karakter før studenten kan gå opp til eksamen.

### Medieprodukt

I løpet av studietida skal det leverast eit medieprodukt. Dette kan vere ein avisreportasje, ein informasjonsbrosjyre, eit radioprogram, ein videofilm e.l. Medieproduktet gjeld som eksamensarbeid. Sjå nærare om produktet på heimesidene til FB.

### Kollokviegruppe

Studentane må vere med i ei kollokviegruppe som FB Fjernundervisning set i gang. Kvar gruppe har fem til ti deltakarar, og skal diskutere minst eitt emne frå kvart fagområde på nettet. Kvart medlem skal innleie til debatt minimum ein gong. Nettundervisninga er delt inn i bolkar, og i kvar bolk skal eitt tema behandlast i kollokviegruppene. I denne perioden må også dei oppgåvene som høyrer til emnet sendast elektronisk til fjernundervisningslærarane.

Studierettleiinga til FB fortel meir om dette.

### Pensum

Til studiet i Mediekunnskap 1 er det knytt eit pensum på om lag 2000 sider. Pensumlitteraturen blir ført à jour kvar sommar av Høgskulen i Volda

### Eksamen

Kurset blir avslutta med munnleg eksamen. Munnleg eksamen er

- samtale om medieproduktet
- drøfting av to eller fleire oppgåver frå "mappa"
- eksaminasjon i pensum.

### Karakterar

Det blir gitt éin sluttarakter som blir vekta slik:

Karakterane på oppgåvene som vert drøfta på munnleg, tel 2/3.

Medieproduktet tel 1/3.

Karakteren blir justert etter munnleg eksamen.

Studentar som har greidd eksamen, får karakterutskrift frå Høgskulen i Volda.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [MEDIEKUNNSKAP 2, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [Generell del](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [UNDERVISNING OG PENSUM](#)

## MEDIEKUNNSKAP 2, 30 STUDIEPOENG

Kurset byggjer på MK 1 både i innhald og organisering. Det vert difor kravd at studentane har gjennomført MK 1 (eventuelt tek dette parallelt), eller har tilsvarende kompetanse.

### GENERELL DEL

#### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Mediekunnskap 1 og 2 er nettbaserte kurs på høgskulenivå. Kursa er sette saman av pensumlitteratur, pensumrettleiing, oppgåveløysing, nettdiskusjonar og praksiselement. Dei blir gjennomførte i samarbeid mellom FB Fjernundervisning og Høgskulen i Volda. Meir om desse studietilboda er å finne på <http://www.fb.no/>

#### **OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE**

Kursa gir formell kompetanse i høgskulesystemet i form av tretti studiepoeng kvar. Mediekunnskap 2 byggjer på Mediekunnskap 1, og normalt må studentane gjennomføre MK 1 før dei kan ta til på MK 2. Men det er også mogleg å ta kursa parallelt, og dette vil i praksis seie at ein må innstille seg på å vere heiltidsstudent i eitt år. Til saman gir dei altså 60 sp, noko som svarar til eitt års fulltidsstudium. Det vert kravd generell studiekompetanse for å melde seg opp til eksamen i kursa.

#### **INNHALD**

Studiet i mediekunnskap gir eit akademisk innsyn i faget, og er ikkje noka yrkesutdanning. Dei praktiske sidene av medieproduksjonen utgjer berre ein mindre del av kurset. Dei tener som støtte til hovudføremålet for kurset: å gi teoretisk kunnskap om massemedia, rolla og funksjonen deira i samfunnet, uttrykksformene og arbeidsmetodane deira; og å gje ei innføring i mediepedagogikk og metodar for analyse og kritikk av media.

Kursa gir kunnskap som vil vere nyttig både for lærarar, journalistar, informasjonsarbeidarar og andre, som tillitsvalde i organisasjonar og arbeidstakarar med informasjonsoppgåver.

### MÅL

Studentane skal:

- oppnå eit djupare innsyn i media si rolle og funksjonar i samfunnet
- tileigne seg kunnskap om mediepedagogikk, metodar, problemstillingar og resultat i medieforskinga
- utvikle ei kritisk og analytisk haldning til media, og meistre reiskapar for medieanalyse og mediekritikk
- få utvida innsyn i arbeidsprosessar og yrkesroller, mellom anna gjennom kontakt med mediefaglege miljø

### INNHALD

Innhaldet i MK 2 er dels ei vidareføring av og fordjuping i emne frå MK 1, dels ei innføring i nokre nye emne. Kurset er delt inn i desse områda:



### **Massekommunikasjon og mediepedagogikk**

Stoffet gir eit djupare innsyn i teori og forsking innan medievitenskapen, med vekt på påverknad og kjennskap til mediepedagogiske vurderingar og arbeidsmåtar.

### **Medieinnhald, utforming og analyse**

I dette emnet blir språk og presentasjon i media analysert, med utgangspunkt i retorikk, lesbarheit, grafisk formspråk, bildespråk, dramaturgi m.m.

### **Film, video**

Her blir ulike stilretningar i film presenterte. Norsk filmhistorie, dokumentarfilm og film som forteljande medium er sentrale emne.

### **Journalistrolla**

Journalistrolla blir kritisk vurdert, m.a. med utgangspunkt i makt og påverknad frå kjeldene, og ut frå spørsmålet om journalistikkens legitimering og oppgåver i samfunnet.

### **Informasjon**

Emnet gir ei innføring i teori knytt til informasjonsfaget, med vekt på offentleg informasjon.

### **Mediepolitikk**

Statens rolle i styringa av medieutviklinga blir vurdert og sett i forhold til andre krefter som påverkar utviklinga, strukturen og innhaldet til media.

### **Vitskapleg metode**

Føremålet her er å gi ei innføring i kvantitativ og kvalitativ metode i medieforskinga.

## **UNDERVISNING OG PENSUM**

### **Oppgavesvar**

Studentane skal svare skriftleg på obligatoriske oppgåver og sende oppgavesvara til fjernundervisningslæraren. Det blir gitt kommentarar og karakter på desse innsendingsoppgåvene. Studentane får så høve til å levere eit nytt og forbetra oppgavesvar på same oppgåva etter at læraren har gitt rettleiing. Også dette svaret får karakter. Begge desse oppgavesvara blir lagt i "eksamensmappa" til studenten ved FB. Alle oppgåvene må vere svara på og ha godkjend karakter før studenten kan gå opp til eksamen.

### **Praksis og praksisrapport**

Studentane skal i løpet av kurset gjennomføre ein praksisperiode i ei mediebedrift eller ei verksemd med informasjonsavdeling i eit omfang av minimum 40 timar. Dette kan vere anten produksjonspraksis eller observasjonspraksis. Etter denne perioden skal studenten levere ein praksisrapport. Praksisrapporten må vere godkjend av Høgskulen i Volda før studenten kan gå opp til eksamen. Ei nærare omtale av praksisrapporten finst i studierettleiinga frå FB Fjernundervisning.

### **Kollokviegruppe**

Studentane må vere med i ei kollokviegruppe som FB Fjernundervisning set i gang. Kvar gruppe har fem til ti deltakarar, og skal diskutere minst eitt emne frå kvart fagområde på nettet. Kvart medlem skal innleie til debatt minimum ein gong. Nettundervisninga er delt inn i bolkar, og i kvar bolk skal eitt tema behandlast i kollokviegruppene. I denne perioden må også dei oppgåvene som høyrer til emnet sendast elektronisk til fjernundervisningslærarane.

Studierettleiinga til FB fortel meir om dette.

### **Pensum**

Til studiet i Mediekunnskap 2 er det knytt eit pensum på om lag 2000 sider. Pensumlitteraturen blir ført à jour kvar sommar av Høgskulen i Volda.

### **Eksamen**

Kurset blir avslutta med munnleg eksamen. Munnleg eksamen er

- diskusjon og munnleg fordjuping i to eller fleire oppgåver frå "eksamensmappa"
- eksaminasjon i pensum

### **Karakterar**

Det blir gitt éin sluttkarakter som blir vekta slik:

Karakterane på oppgåvene som vert drøfta på munnleg tel 2/5.

Drøfting av oppgåvene og høyring i pensum tel 3/5.

Studentar som har greidd eksamen, får vitnemål frå Høgskulen i Volda.

Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------



- **OFFENTLEG INFORMASJON (15 STUDIEPOENG)**

- [Innleiing](#)
- [Målgruppe](#)
- [Innhald](#)
- [Organisering og gjennomføring](#)
- [Undervisning](#)
- [Opptakskrav og kompetanse](#)
- [Eksamen og karakterar](#)

## OFFENTLEG INFORMASJON (15 STUDIEPOENG)

### INNLEIING

Informasjon som fagområde vert sett på som ein reiskap for å oppretthalde og utvikle demokratiet, og for å minske informasjonskløftene i samfunnet.

Det er i dag ulike rekrutteringsvegar til informasjonsarbeid. Vanlege krav er høgare utdanning og praksis. Fagplanen for fem vektal offentlig informasjon byggjer på nokre sentrale element i studieplanen for den tre-årige informasjonsutdanninga ved Høgskulen i Volda.

### *Omfang*

Studiet utgjer femten studiepoeng og er sett saman av informasjonsfaglege teoriar og medievitenskap.

### *Målsetjing*

Målet med studiet er at kandidatane skal verte betre kvalifiserte til informasjonsarbeid særskilt i offentlig sektor, men også i organisasjonar og private føretak. Dette skal skje gjennom at kandidatane skal tileigne seg:

- ei forståing av kva informasjon er og kva rolle informasjon har i dagens samfunn
- kommunikasjons- og informasjonsfaglege teoriar slik at dei vert i stand til å definere problem og målsetjingar, vurdere ulike verkemiddel og gjennomføre konkrete informasjonstiltak
- analytiske reiskapar som gjer dei stand til å tolke og forstå informasjonsfaglege problemstillingar
- eit grunnleggjande innsyn i mediesamfunnet
- eit grunnleggjande innsyn i profesjonelle arbeidsmåtar og metodar i praktisk og strategisk informasjonsarbeid
- eit medvite forhold til tale-, bilet-, skrift- og kroppsspråk.

### MÅLGRUPPE

Dette studietilbodet er særskilt retta mot dei som arbeider som informatørar på ulike nivå eller som er tillagt informasjonsoppgåver gjennom sitt daglege arbeid eller i eit tillitsverv.

### INNHALD

Studiet skal gi eit grunnleggjande teoretisk fundamentet for informasjonsarbeid. Gjennom fem emnebolkar med tilhøyrande obligatoriske oppgåveinnleveringar får studentane ei innføring i kommunikasjons- og informasjonsfaglege emne. Det vert lagt vekt på organisasjonsteori og informasjonsformidling der informasjon vert sett i eit større perspektiv.

Gjennom oppgaver og aktiv deltaking frå kandidatane skal det skapast ei medviten og kritisk haldning til det faglege arbeidet ein gjer som informasjonsarbeidar. Medvit om informasjonsyrkets eigen etikk, det faglege ansvaret og rolleforståing er sentrale stikkord.

### **Studiet omfattar følgjande tema:**

#### ***Omgrep, roller og modellar***

Informasjon er eit mangetydig omgrep som ikkje kan avgrensast på ein enkel måte. Med denne bolken får studentane ei innføring i korleis "informasjon" blir nytta i denne utdanninga, i yrkeslivet, i forskning og i teori. Dette vert så utdjupa gjennom dei andre bolkane.

I yrkeslivet har informasjonsmedarbeidaren ulike titlar og ulike oppgaver. Innsikt i og drøfting av desse rollene er viktig for å forstå både omgrepet informasjon og den funksjonen informasjon har i samfunnet og i ein organisasjon. Etikk er også eit sentralt emne i denne bolken. Som informasjonsarbeidar kan ein fort kome i krysspress mellom ulike grupper, og informasjon kan lett brukast som eit maktmiddel, medvite eller umedvite. Her står også lojalitetsomgrepet sentralt og informatørens maktfunksjon.

#### ***Informasjon og samfunn***

Med den nære koplinga mellom informasjon, demokrati og samfunn som denne utdanninga legg opp til, er den norske informasjonspolitikken eit viktig grunnlag for dei normene norske informasjonsmedarbeidarar har for sitt arbeid. Informasjonspolitikken er dessutan grunnleggjande for å kunne forstå nokre av dei problem ein utdanna informasjonsmedarbeidar er venta å kunne løyse. Sentrale omgrep i denne bolken er m.a. informasjonskløfter, informasjon og demokrati og norsk informasjonspolitikk.

#### ***Organisasjons- og kommunikasjonsteori***

Som informasjonsarbeidar i offentleg og privat verksemd, er evna til å sjå heilskapar viktig. Dette krev ofte at ein har evne til å analysere ulike problem på ein kritisk måte og å skilje kommunikasjonsproblem frå andre typar problem. Med denne bolken skal kandidaten få grunnleggjande innsikt i og kjennskap til reiskapar som kan nyttast til reflekterte og kritisk analysar og vurderingar av eiga verksemd. Slike analysar skal gi grunnlag for å kunne setje i verk informasjons- og kommunikasjonstiltak i eiga verksemd og retta mot samfunnet rundt.

#### ***Målgrupper og kommunikasjonsplanlegging***

Målgruppeteori er ein grunnleggjande reiskap i informasjonsarbeid. Menneske har ulike føresetnader for å ta til seg informasjon, og kjennskap til målgruppa er derfor essensielt for at informasjon skal nå fram og verte forstått. Eit reflektert forhold til informasjonsplanlegging er nødvendig for å sikre god kommunikasjon. Med denne bolken skal studentane få grunnleggjande kjennskap til ulike delar og reiskapar i kommunikasjonsplanlegging, som til dømes analyse, målformulering og evalueringsmåtar. Kandidaten vil i tillegg få eit innblikk i formidling av offentleg informasjon på Internett.

#### ***Språk og formidling***

Sentralt er teori om og reiskapar for å analysere ulike typar tekstar. Retorikk, sjangerkonvensjonar og språksosiologi blir tatt opp i denne bolken. Målet er å gjere studentane medvitne om sentrale eigenskapar ved ulike typar språkbruk brukt i formidling.

## **ORGANISERING OG GJENNOMFØRING**

Studiet er organisert som eit eittsemesters deltidsstudium med avsluttande eksamen og kan organiserast som:

I Ordinært studium ved Høgskulen i Volda

II Kombinert studium i samarbeid med FB fjernundervisning

## **UNDERVISNING**

Forelesingar og gruppearbeid (I) eller nettbasert fjernundervisning med rettleiar (II). Det vert gitt obligatoriske oppgaver med innleveringar til kvar undervisningsbolck. Innleveringane må vere godkjende og stått for å kunne gå opp til eksamen. Arbeidsforma stiller krav til sjølvstendig arbeid. Kopiering og gjenbruk av eigne oppgaver i nye samanhengar vert ikkje godteke. Studiet føreset at kandidatane har kunnskapar i tekstbehandling og kan bruke desse i praksis.

## **OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE**

Det vert kravd generell studiekompetanse for å kunne melde seg opp til eksamen.

Studiet gir formell kompetanse i utdanningssystemet for høgare utdanning i form av femten studiepoeng. Studiet vil vere ei god spesialisering kombinert med andre samfunnsvitskaplege og humanistiske fag.

## **EKSAMEN OG KARAKTERAR**

Studiet vert avslutta med ein 4-timars skuleeksamen eller ein nettbasert heimeeksamen. Det vert nytta bokstavkarakterar. På innsendingsoppgåvene får ein stått/ikkje stått.

### ***Fagevaluering***

Det skal gjennomførast fagevalueringar etter kvar studieslutt. Evalueringa skal gjennomførast av studentar og fagansvarlege.

### ***Pensum***

Til studiet i Mediekunnskap 2 er det knytt eit pensum på om lag 1200 sider. Pensumlitteraturen blir ført à jour kvar sommar av Høgskulen i Volda.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [MEDIEVITSKAP, 45 SP](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
    - [Medievitskap 1 \(15 sp\)](#)
    - [Medievitskap 2 \(10 + 5 sp\)](#)
    - [Medievitskap 3 \(15 sp\)](#)
    - [Fagoppgåve](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [Oppgåver i medievitskap](#)
    - [Eksamen](#)
  - [Pensum](#)
    - [Medievitskap 1](#)
    - [Medievitskap 2](#)
    - [Medievitskap 3](#)

## MEDIEVITSKAP, 45 SP

Faget medievitskap (45 studiepoeng) er felles for alle dei treårige grunnutdanningane ved avdeling for mediefag, og delar av medievitskap går inn i andre studium ved Høgskulen.

### MÅL

Målet med faget er å gi studentane eit teori- og kunnskapsgrunnlag som er relevant for å kunne analysere, tolke og forstå ulike sider av media og deira rolle i samfunnet.

### INNHALD

Faget inneheld ei innføring i teori og forskning knytt til medievitskap. Sentrale emne er forholdet mellom media og samfunn, mediehistorie, medieinnhald og media sitt publikum. Det blir også gitt undervisning i grunnleggjande forskingsmetode i tilknytning til semesteroppgåva.

#### Medievitskap 1 (15 sp)

Kurset gir ei første innføring i medievitskap, mediehistorie og grunnleggjande omgrep i språk, kommunikasjon, bilde og film. Studentane får obligatoriske oppgåver.

#### Medievitskap 2 (10 + 5 sp)

Kurset byggjer på og er konsentrert om massekommunikasjonsprosessen, media si rolle i samfunnet og media sitt publikum. Det kan bli gitt obligatoriske oppgåver i løpet av kurset. Fem av studiepoenga vert knytte til eit spesialpensum som byggjer opp om den utdanninga eller det studiet studenten har vald.

#### Medievitskap 3 (15 sp)

Den teoretiske delen av kurset byggjer på medievitskap 1 + 2 og går djupare inn i teoriar om media og kommunikasjon, både ut frå eit samfunnsvitskapleg og eit humanistisk perspektiv. Arbeidet blir særleg konsentrert om fagoppgåva, og det vert gitt innføring i vitskapleg metode knytt til dette.

### Fagoppgåve

Fagoppgåva er eit større, sjølvstendig arbeid der det blir kravd at studentane skal dokumentere ei sjølvstendig haldning til pensum, ha eit gjennomtenkt tilhøve til forskingsmetode og vere i stand til å analysere og drøfte ei problemstilling. Det er høve til å samarbeide med andre studentar om oppgåva.

Studentane får tildelt rettleiar. Studentar misser retten til rettleiing om dei ikkje leverer prosjektskisse innan fristen som vert gitt i semesterplanen. Rettleiing kan også skje på e-post og opplegget (med unnatak av eksamen) er lagt til rette for at studenten kan følgje kurset utanfor høgskulen.

## VURDERING OG EKSAMEN

### Oppgaver i medievitenskap

Alle obligatoriske oppgaver i medievitenskap må vere godkjende før studenten kan gå opp til eksamen. Eksamen frå medievitenskap 1 + 2 må vere stått før studenten har krav på ekstern praksis i dei treårige yrkesretta utdanningane ved avdelinga.

### Eksamen

#### *Medievitenskap 1 (15 sp)*

I dette kurset skal det skrivast to individuelle oppgaver. Den første oppgåva (maksimum 6 sider), vert lagt i ei vurderingsmappe. Oppgavesvaret kan omarbeidast etter vurderinga. Den andre oppgåva (maksimum 6 sider) blir gjeve som ei to-dagers heimeoppgåve. Begge oppgåvene går inn i den samla vurderinga av mappa.

#### *Medievitenskap 2 (15 sp)*

Individuell 6-timars skriftleg eksamen som omfattar pensum i medievitenskap 1 + 2.

#### *Medievitenskap 3 (15 sp)*

Fagoppgåve + munnleg eksamen med høyring i semesteroppgåva og pensum frå medievitenskap 1, 2 og 3.

## PENSUM

Pensumlista er rettleiande. Pensum er under revisjon og endelege pensumlister blir delte ut ved starten av kvart semester.

### Medievitenskap 1

#### *Innføring:*

Gripsrud, Jostein: "Introduksjon" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000  
Østbye, Helge og Ture Schwebs: *Media i samfunnet*, Oslo 1995

#### *Medier - kultur og samfunn:*

Johansen, Anders: *Medievitenskap 4: Medier - kultur og samfunn*. Bergen 1999.

#### *Språk og analyse:*

Eriksen, Geir: *Fortellerteknikk og dramaturgi for film og fjernsyn*, Sandvika 1988.  
Gripsrud, Jostein: "Semiotikk", "Hermeneutikk" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000  
Hausken, Liv: "Dokumentarfilm" i i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 2: Medier - tekstteori og tekstanalyse*. Bergen 1999.  
Larsen, Peter: "Bildeanalyse og billedspråk" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitenskap 2: Medier - tekstteori og tekstanalyse*. Bergen 1999.

#### *Enkeltmedium / mediehistorie:*

Bordwell, D and K. Thompson: "Part V: Film History", i *Film Art. An Introduction*, New York 1993  
Halse, Ketil Jarl: *Radiojournalistikk mellom teknikk og politikk*, kap 1-6 og 9-10. Volda 1998.  
Liestøl, Gunnar: "Fra Memex til WWW" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.  
Ottosen, Rune: *Fra fjærpenn til Internett*, s26-35 og 384-411. Oslo 1996.  
Strøm, Gunnar: *Musikkvideo*, s. 7-86, Oslo 1989

### Medievitenskap 2

### **Media i samfunnet:**

- Bastiansen, Henrik & Trine Syvertsen: "Toward a Norwegian Television History", i Francesco Bono & Ib Bondebjerg: *Nordic television. History, Politics and Aesthetics*, København 1994
- Gripsrud, Jostein: "Offentlighet og demokrati", "Kringkastingsmediene" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000
- Sejerstedt, Francis: "Ytringsfriheten og informasjonsfriheten" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.
- Syvertsen, Trine: "Kommersialisering av kringkasting: Kritisk mangfold eller konformitet?", i Terje Edvardsen (red): *Media og samfunnsstyring*, Bergen 1994
- Østbye, Helge: "Mediepolitikk" og "Norsk mediestructur i dag" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitskap 1: Medier - institusjoner og historie*. Bergen 1999.

### **Publikum: mediebruk og påverknad:**

- Gentikow, Barbara: "Pornografi" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitskap 3: Medier og brukere*. Bergen 1999.
- Gripsrud, Jostein: "Påvirkning" og "Forskjeller: sosiale skiller, livsstil og smak" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000
- Hagen, Ingunn: *Verda på skjermen*, kap 3-6. Oslo 1998.
- Waldahl, Ragnar: "Medier og påvirkning" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.
- Østbye, Helge: "Barn og medier" og "Vold" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitskap 3: Medier og brukere*. Bergen 1999.

### **Språk og analyse:**

- Gripsrud, Jostein: "Retorikk" og "Narratologi" i *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo 2000

### **Tillegglitteratur i medievitskap 2 for journalistikk, informasjon og mediekunnskap:**

- Høst, Sigurd: *Aviskonkurransen. Nye og gamle teorier belyst gjennom A-pressens utvikling*, s. 11-34, Fredrikstad 1996
- McManus, John H.: *Market-Driven Journalism: Let the Citizen beware?*, s.1-39, Thousand Oaks 1994
- McQuail, Denis: "Media Structures and Institutions", kapittel 6 (s. 154-182) i Denis McQuail: *Theories of Mass Communication*. London 1994
- Roppen, Johan: "Medieeigarskap" Volda 1999.
- Sande, Øystein: *Nyheter, forståelse og kunnskapskløfter*, Volda 1996.
- Skogerbø, Eli og Syvertsen, Trine: "Medieøkonomi og informasjonssamfunnet" i Larsen & Hausken (red.): *Medievitskap 1: Medier - institusjoner og historie*. Bergen 1999.
- Østbye, Helge et al.: *Metodebok i mediefag*, Bergen 1997

### **Tillegglitteratur i medievitskap 2 for animasjonsutdanninga:**

Blir klart til semesterstart.

### **Tillegglitteratur i medievitskap 2 for andre utdanningar/studium:**

Sjå i planar frå den avdelinga som gir tilbodet.

## **Medievitskap 3**

- Allen, Robert: *Channels of discourse reassembled*, kap. 2, 3, 4, 6, 7, 8, 9, London 1992
- Bourdieu, Pierre: *Om fjernsynet*, del I+2. Oslo 1998.
- Eide, Elisabeth: "Er det noe å bråke for, da?" i von der Lippe & Nordhaug (red.): *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo 1999.
- Mathiesen, Thomas: *Makt og medier*, Oslo 1993
- Mølster, Ragnhild: *I kveldens reportasje viser vi virkeligheten* kap 1-4. Bergen 1996.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen





HØGSKULEN I VOLDA

T:70 07 50 00 | F:70 07 50 51 | P.B.500 | 6101 VOLDA

Student Fag-  
kontoret planar

- [INSTITUTT FOR PLANLEGGING OG ADMINISTRASJON - FELLES FOR GRUNNUTDANNINGANE](#)
  - [INNLEIING](#)
  - [FELLES FOR UTDANNINGANE](#)
  - [Studiemodell som gjeld frå hausten 2002](#)
  - [RETTLEIING OG UTDANNINGSPLAN](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [STUDIEKVALITET](#)
  - [AKTUELL LITTERATUR](#)
  - [GRUNNUTDANNING](#)

## INSTITUTT FOR PLANLEGGING OG ADMINISTRASJON - FELLES FOR GRUNNUTDANNINGANE

### INNLEIING

Instituttet sitt interessefelt er lokalsamfunnsutvikling og tilhøvet lokalsamfunn - region - storsamfunn, og korleis samfunnsutviklinga i ei verd i snøgg endring verkar og kan påverkast.

Samfunnsstyring handlar om å velje og setje i verk avgjerder på vegner av innbyggjarane. God samfunnsstyring vil seie at styresmaktene syter for trivsel og fredelige samfunnstilhøve, sikrar lov og orden, legg til rette for økonomisk vekst og sikrar eit minimum av sosial velferd.

Viktige hjelperåder til dette er at institusjonane i styringssystemet er kjenneteikna av ansvar, innsyn og deltaking. Der må vere integritet i forvaltninga, styrke i lovgjevinga og effektiv gjennom-føring av offentleg politikk. Eit fjerde kjenneteikn vil vere demokratisk desentra-lisering - at styresmaktene legg til rette for at borgarane kan delta og ha innverknad på samfunnsstyringa på fleire nivå, frå det lokale til det nasjonale.

Tilhøvet mellom borgarar og styresmakter, særleg samspelet mellom lokalsamfunn, regionar og storsamfunn er grunnlaget for verksemda ved Institutt for planlegging og administrasjon. Instituttet sine undervisnings- og forskingsemne er styres-maktene og deira arbeids- og styringsinstrument, samfunns-styringa som utviklar seg i samspelet mellom offentlege institusjonar på alle nivå og samspelet mellom desse og individ og korporasjonar i samfunnet (t.d. verk-semder, nærings-organisasjonar, ideelle og friviljuge organisasjonar og anna interesse-organisering).

### FELLES FOR UTDANNINGANE

Studieprogramma ved instituttet er modulbaserte og fleksible. Studentane kan velje eittårig, toårig eller treårig grunnutdanning på bachelornivå. Ei toårig grunnutdanning gir rett til tittelen Høgskulekandidat i offentleg administrasjon. Treårig grunnutdanning gir tittelen Bachelor i offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging eller Bachelor i administrasjon og offentleg rett. Bachelorutdanningane har ein tverrfagleg profil med vekt både på fag- og prosesskunnskap.

Høgskulen i Volda har som den einaste høgskulen i landet fått godkjenning frå departementet på eit mastergradsstudium i samfunnsplanlegging, førebels som ei treårig prøveordning. Dette er ei toårig vidareutdanning for søkjarar med minimum treårig utdanning. Mastergraden er både ei toårig yrkesretta vidareutdanning og ei

førebuing til doktorgradsstudium.

Bruk av IKT inngår som ein integrert del av undervisninga i stadig fleire av modulane våre. Dette er eit område som vi ønskjer å utvikle vidare, ikkje minst for å kunne kome i møte studentar med spesielle behov som gjer ei tilpassing til dei tradisjonelle undervisningsformene vanskeleg, t.d. sjukdom, funksjonshemmingar, arbeidssituasjon e.l. Vi ønskjer å bruke Internett både som eit kommunikasjonsverktøy og som eit problemløysingsverktøy der dette høver. Difor vil vår bruk av IKT vere allsidig gjennom bruk av fleire ulike system, t.d. Classfronter. IKT bruken vil mellom anna ta sikte på å gi studentane innføring og arbeidstrening i system dei vil finne att i ein framtidig jobbsituasjon eller eventuelt som reiskap i framtidig forskning, t.d. SPSS. Sjå elles meir omtale av opplegg for Internett under kvar modul nedanfor.

I figurane 1-5 finn du eit oversyn over grunn-, vidareutdanningane. Dette er samstundes studieløyper som gir graden Master i samfunnsplanlegging. Den enkelte modulen kan også takast som integrert del av andre individuelle utdanningsplanar der dette høver.

Meir informasjon: Sjå heimesida vår <http://www.hivolda.no/asf/avdelingsside>.

### Studiemodell som gjeld frå hausten 2002

**NB! Overgangsordning for År 3 - Faget Samfunnsplanlegging vert flytt frå år 2 til år 3 og vert ikkje undervist hausten 2003. Det tidlegare faget Forvaltningsrett er flytt frå år 3 til år 2 og heiter no: Offentleg rett 1. Søkjarar til år 3 må difor ta kontakt dersom dei manglar faget Samfunnsplanlegging el. tilsvarande.**

Semester 1 Haust Semester 2 Vår
<b>Samfunnsgeografi. 15 poeng</b>
<b>Sosiologi. 15 poeng</b>
<b>Statsvitenskap og organisasjonsteori. 15 poeng</b>
<b>Økonomi. 15 poeng</b>

**Figur 1: År 1: Årsstudium i samfunnsvitenskap**

Semester 3 Haust	Semester 4 Vår
<b>Kommunal økonomi. 15 poeng</b> Også nettbasert	<b>Forvaltningsarbeid. 15 poeng</b> Også nettbasert Alt. studium i utlandet eller andre modular
<b>Offentleg rett 1. 15 poeng</b> Også nettbasert	<b>Prosjektarbeid som praksis/oppgåve. 15 poeng</b> Alt. studium i utlandet eller andre modular

**Figur 2: År 2: Høgskulekandidat i offentlig administrasjon**

Semester 5 Haust	Semester 6 Vår
<b>Samfunnsplanlegging. 15 poeng</b> Ikkje undervisning studieåret 2002/2003, sjå ovanfor om overgangsordning.	<b>Regionalt utviklingsarbeid og endringsleiing. 15 poeng</b>
<b>Ex. phil eller tilsvarande eller stor bacheloroppgåve. 15(+15) poeng</b>	<b>Bacheloroppgåve. 15 poeng</b>

**Figur 3: År 3: Bachelor i offentlig administrasjon og samfunnsplanlegging**

Semester 7 og 9 Haust	Semester 8 og 10 Vår
<b>Offentleg organisering og leiing. 30 poeng *</b> Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning	

<b>Kommunal leiing. 30 poeng *</b> Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning
<b>Lokal planlegging og Agenda 21. 30 poeng</b> Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning
<b>Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegginga. 30 poeng</b> Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning
<b>Kriminalitetsførebygging. 30 poeng</b> Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning Blitt gitt av Institutt for sosialfag, HVO
<b>Regional planlegging og utvikling. 30 poeng</b> Obligatorisk modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning
<b>Integrasjonsmodul med masteroppgåve. 30 poeng</b> Avsluttande og obligatorisk modul i mastergraden

**Figur 5: År 4 og 5:  
Frittstående vidareutdanningsmodular. Master i samfunnsplanlegging.**

\* Modulane Offentleg organisering og leiing og Kommunal leiing i figur 5 utgjer Eittårig vidareutdanning i Kommunal organisering og leiing.

## RETTELEIING OG UTDANNINGSPLAN

Ved studiestart skal kvar student få oppnemnt ein utdanningsrettleiar som saman med studenten får ansvaret for ein god kommunikasjon gjennom studiet hans/hennar. Målet er god oppfølging undervegs i studiet. Ein individuell utdanningsplan skal leggast til grunn for kvar enkelt student sitt studieløp. Utdanningsplanen skal underteiknast både av studenten og instituttet. Studenten skal ta del i utforminga. Dei individuelle utdanningsplanane forpliktar instituttet andsynes studenten, og studenten andsynes instituttet og medstudentane. Planen skal vise korleis instituttet legg til rette for at studenten skal nå eit definert læringsmål på normert tid. Dei individuelle utdanningsplanane bør føreligge så tidleg som råd er i kvart semester, seinast høvesvis 1. oktober og/eller 1. mars. Utdanningsplanen kan justerast kvart semester i samtale med rettleiar. Utdanningsplanen er ikkje ein juridisk bindande kontrakt.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane blir vurderte kontinuerleg gjennom ein portefølje under gjennomføringa av kvar modul. Vurderingsporteføljen vil variere noko frå modul til modul alt etter modulen sin eigenart og kvar i studiet ein er, men vil stort sett vere samansett av individuelle skriftlege arbeid og gruppevis oppgåver. Det er naturleg at porteføljen vert eit sentralt tema under samtalar med faglærarar. I einkvar modul som har eksamen utan tilsyn (t.d. heimearbeid) kan studentar eller studentgrupper bli valde ut til ein munnleg eller skriftleg eksamen sjølv om dette ikkje er spesifisert under kvar modul. Ein viser elles til eksamensføresegna. I fleire modular kan eksamen også bli gitt som netteksamen. Porteføljen og/eller eksamen skal liggje til grunn for endeleg karaktersetting. Dei fleste formelle vurderingane og karaktersettingane vil bli gjort av faglærarane i kvar enkelt modul. Unntaket vil vere i vurderingane av eventuell *gradsoppgåve*: bacheloroppgåve og/eller masteroppgåve. Her vil ein ekstern sensor ha siste ordet i den formelle vurderingane. Ekstern sensur kan også bli brukt ved andre vurderingar som ein lekk i kvalitetssikringa av dei enkelte modulane (jf. avsnittet om STUDIEKVALITET nedanfor). Sjå elles meir detaljert informasjon om vurdering og eksamen under omtalen for kvar modul nedanfor. Ein nyttar bokstavkarakterar på ein skala frå A til F, med A som beste karakter og E som siste karakter for godkjend portefølje/eksamen. Karakteren F tyder såleis *ikkje* godkjend portefølje/eksamen. Ved einskilde innleveringsoppgåver i porteføljen kan det bli nytta karakteren stått / ikkje stått. Ved stryk eller sjukmelding vil studentane ha høve til kontinuering i samsvar med høgskulen sine føresegner for eksamen og vurdering. Like eins vil det gå fram av dei same føresegnene kva rettar studentane har ved eventuelle klager på vurderingane og kva fristar og prosedyrar som då vil gjelde.

## STUDIEKVALITET

Instituttet ønskjer å sikre studiekvaliteten gjennom eit mangfald av kartleggingsmetodar, god kommunikasjon og oppfølging av avdekte behov for endring undervegs i studiet. Dette vil ein sikre gjennom at kvart studentkull ved

instituttet skal ha eit fagutval saman med fagansvarlege i samarbeid med instituttleiar. Fagutvalet skal vere samansett av tillitsvald, varatillitsvald, fagansvarleg og kullkontakten / instituttkonsulenten. Det skal haldast to møte kvart semester i fagutvala. Det kan vurderast om eine møtet skal vere opne for alle studentane.

Fagutvala skal vere ein arena der utveksling av faglege røynsler og synspunkt skal medverke til ei konstruktiv utvikling av læringsmiljøet og betring av studietilbodet gjennom å sikre kvaliteten på undervisninga og praksistilboda. Fagutvala skal m.a. drøfte gjennomføringa av studieprogrammet og fagmiljøet sine prioriteringar i forhold til studieprogrammet, t.d. mål, innhald, arbeidsmåtar, organisering, praksis, vurdering, lister over aktuell litteratur, trivnadsfaktorar o.l. Like eins kan ein i fagutvala ta opp og diskutere synspunkt på variasjonen i undervisningsformer og studentane sitt tilhøve til studieprogrammet, t.d. personleg haldning og engasjement, kollokviegrupper, sjølvstudium, Internettbruk o.l. Form, mengde og tidspunkt i progresjonen kan vere andre aktuelle tema for fagutvala.

For å nå målsettingane i arbeidet for betre studiekvalitet, vil instituttet m.a. kunne bruke følgjande tiltak som grunnlag for arbeidet i fagutvala:

- skriftlege, anonyme studentevalueringar
- ulike innføringskurs ved studiestart
- studentaktive undervisningsformer
- personlege utdanningsrettleiarar
- fagleg rettleidde prosessar under oppgåveskriving
- oppsummeringssamlingar, t.d. som eksamensførebuing
- mangfaldige undervisningsformer/nettbasert undervisning
- varierte vurderingsformer/porteføljevurdering i ein prosess
- ekskursjonar og studieturar
- faste møte i studiekvalitetsutvalet

Instituttet vil sjå til at fagutvala vert valde og konstituerte innan 2 veker etter studiestart. Arbeidet i fagutvala skal innrapporterast til avdelingsutvalet for studiekvalitet ved slutten av kvart semester.

Som ein lekk i sikringa av studiekvaliteten, kan ein frå tid til anna sende vurderingsporteføljen i dei ulike modulane som har intern sensor, til ekstern vurdering.

I tillegg kan enkelte undervisningsopplegg og vurderingsopplegg for einskilte modular bli utsende til andre tilsvarande læringsmiljø til ekstern vurdering og tilbakemelding. Begge desse tiltaka vil eventuelt sikre nyttige korreksjonar og gi verdfulle innspel til vidare utvikling av programma ved instituttet.

## **AKTUELL LITTERATUR**

Vi viser til omtalen av dei ulike modulane, der aktuell litteratur er ført opp. Endeleg oversyn over aktuell litteratur vil bli utlevert ved semesterstart. Endeleg pensum blir sett i god tid før eksamen. Kompendium og artikkelsamlingar kan kjøpast på høgskulen sin kopisentral. Generelt vil ein nytte siste utgåve av lærebøker. Endringar i studieplanen vert kunnngjort.

## **GRUNNUTDANNING**

### **OPPTAKSKRAV**

Opptaket til grunnutdanning blir gjort i samsvar med opptaksreglementet for høgskulen. Det blir kravd generell studiekompetanse for opptak til dei to første åra. For opptak til det tredje året og bachelorgrad, må søkjarar ha relevant vidare utdanning i tillegg til generell studiekompetanse.

Studentar kan enten søkje opptak til tre års bachelorstudium eller til kortare studium. Studentar som frå starten av ønskjer å fullføre ein grad, skal sette saman eit bachelorprogram for heile studiet sitt. Studieretten vil vere knytt til dei studieeiningane som ein har fått opptak til. Vidare vil studieretten også vere knytt til den avtala progresjonen i studiane. Ein kan justere den individuelle utdanningsplanen undervegs, i samtale med utdanningsrettleiar.

Studentar kan takast opp til det andre året i studiet Høgskulekandidat i offentleg administrasjon dersom dei kan dokumentere kunnskap tilsvarande pensumet for Årsstudium i samfunnsvitskap, og det er ledige plassar.

Studentar kan takast opp til det tredje året i studiet dersom dei kan dokumentere kunnskap tilsvarande Høgskulekandidat i offentleg administrasjon, og det er ledige plassar.

## **DELTIDSSSTUDENTAR OG PRIVATISTAR**

Studiet ved instituttet er bygt opp av modular på 15 poeng og er opne for studentar frå andre avdelingar/institutt ved høgskulen og for deltidsstudentar. For å få godkjend ein bachelorgrad, må 135 poeng i den individuelle utdanningsplanen omfatte dei sentrale modulane i dei to studieløypene. I bachelorstudiet er såleis 45 poeng i prinsippet valfritt innanfor andre modular ved høgskulen eller ved andre tilsvarande institusjonar i inn- og utland. Studentar som er opptekne til grunnutdanning ved instituttet, kan søkje om å få gjennomføre studiet som deltidsstudentar og som fjernstudentar. Deltidsstudentar skal også, lik heiltidsstudentar, utarbeide og underskrive ein individuell utdanningsplan ved studiestart.

### **OVERGANGSREGLAR**

Studentar som er inne i ei treårig utdanning som er ferdig våren 2003 ved instituttet, kan få bachelorgrad når han/ho fullfører utdanninga og har 135 poeng i dei sentrale modulane.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



HØGSKULEN I VOLDA

T:70 07 50 00 | F:70 07 50 51 | P.B.500 | 6101 VOLDA

Student Fag-  
kontoret planar

- [ÅRSSTUDIUM I SAMFUNNSVITSKAP - 60 POENG](#)
  - [Omtale av modulane](#)
  - [KARAKTERUTSKRIFT](#)
  - [KOMPETANSE](#)

## ÅRSSTUDIUM I SAMFUNNSVITSKAP - 60 POENG

Dette årsstudiet er sett saman av modulane:

### Omtale av modulane

- *Samfunnsgeografi. 15 poeng*
- *Sosiologi. 15 poeng*
- *Statsvitskap og organisasjonsteori. 15 poeng*
- *Økonomi. 15 poeng*
- *Lokalsamfunnsanalyse*

Det første året er ei innføring i samfunnsvitskapleg metode og nokre samfunnsvitskaplege emne. Studiet er lagt opp for alle med generell studiekompetanse frå den vidaregåande skulen og som ønskjer ei brei innføring i samfunnsvitskap.

Undervisninga i dei fire modulane går parallelt over dei to semestra. Modulane blir integrerte i den tverrfaglege og obligatoriske lokalsamfunnsanalysen i vårsemesteret. (Jf. figur 1 ovanfor.)

Ved studiestart vert det gitt eit innføringskurs i arbeids- og vurderingsmetodar. Kvar heiltids- og deltidsstudent får oppnemnt ein personleg utdanningsrettleiar som skal vere sentral i oppfølginga av studenten gjennom heile studiet. Den individuelle utdanningsplanen står sentralt her.

Jamt fordelt gjennom studieåret vert det gitt obligatoriske skriftlege oppgåver som skal innleverast. Oppgåvene inngår i ein vurderingsportefølje som saman med eventuell eksamen skal utgjere det totale vurderingsgrunnlaget i den enkelte modulen. I første året skal også lokalsamfunnsanalysen godkjennast og inngå i vurderingsporteføljen.

### KARAKTERUTSKRIFT

Årsstudium i samfunnsvitskap blir dokumentert med ei karakterutskrift med oppnådde karakterar i dei fire faga og stadfesting på godkjend obligatorisk lokalsamfunnsanalyse.

### KOMPETANSE

Studentar som har fullført Årsstudium i samfunnsvitskap kan mellom anna søkje om opptak til vidare studiar ved den 2-årige Høgskulekandidat i offentleg administrasjon eller 3-årige Bachelor i administrasjon og samfunnsplanlegging dersom det er ledige plassar - eller søkje om opptak til andre studium ved vår eller andre høgskular og universitet.

Sjå nærare omtale av kvart fag/kvar modul under.

Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------



- [HØGSKULEKANDIDAT I OFFENTLEG ADMINISTRASJON. 120 POENG](#)
  - [VITNEMÅL](#)
  - [KOMPETANSE](#)

## HØGSKULEKANDIDAT I OFFENTLEG ADMINISTRASJON. 120 POENG

Dette studiet er sett saman av Årstudium i samfunnsvitskap (60 poeng) og følgjande fire modular (tils. 60 poeng) som utgjer det andre studieåret:

- *Offentleg rett 1. 15 poeng*
- *Kommunal økonomi. 15 poeng*
- *Forvaltningsarbeid. 15 poeng*
- *Prosjektarbeid som praksis/oppgåve inkl. metodekurset Prosjektdesign og metodeval. 15 poeng*

Dei to sistnemnde modulane som utgjer vårsemesteret andre året, kan bytast ut med studiar i utlandet, eventuelt andre modular, 30 poeng (15 x 2).

I det andre året set vi kommunar som samfunn og organisasjonar i fokus med særleg vekt på offentlig rett. Som alternativ til vårt opplegg i fjerde semesteret, kan studentane ta andre relevante modular ved høgskulen, ved andre høgskular og universitet eller studere ved tilsvarende institusjonar i utlandet. Dersom studentane er i eit studieløp som t.d. skal ende i ein bachelorgrad, må slike alternative studieval samsvare med den individuelle utdanningsplanen slik at ein sikrar minst 135 poeng fordjuping i faget som skal gi graden. Like eins kan det verte aktuelt å tilpasse dette fjerde semesteret andre året for studentar frå utlandet. I så fall vil førelesingar her bli engelskspråklege.

Nye studentar i desse modulane skal ved studiestart få oppnemnd ein personleg utdanningsrettleiar som skal vere sentral i oppfølginga av studenten gjennom heile det personlege studieløpet. Studentar som går vidare etter første året, held fram med same rettleiaren dei hadde då. Sentralt for utdanningsrettleiaren og studenten står den individuelle utdanningsplanen for studenten (jf. omtale av utdanningsplanen i innleiinga).

Vurderingsgrunnlaget for dette påbyggingsåret til Høgskulekandidat i offentlig administrasjon, vert ein portefølje frå kvart semester og kvar modul i tillegg til eventuell eksamen. Denne porteføljen skal baserast på obligatoriske, godkjende og vurderte oppgavesvar. Meir detaljar om vurdering og eksamen finn du i omtalen av kvar modul.

### VITNEMÅL

For dei som fullfører det toårige studiet i offentlig administrasjon med tilfredsstillande resultat, blir det utskrive eigne vitnemål; Høgskulekandidat i offentlig administrasjon.

### KOMPETANSE

Høgskulekandidat i offentlig administrasjon utgjer til saman eit toårig studium i administrasjon med vekt på samfunnskunnskap, offentlig rett, forvaltningsarbeid og kommunal økonomi. Studiet skal først og fremst gi studentane ei brei innføring i administrasjonsoppgåver, offentlig rett og forståing av kommunal verksemd med tanke på vidare studium og spesialisering. Studiet gjer også studentane kvalifiserte til å søkje stillingar mellom anna som sakshandsamar i offentlig verksemd. For dei som ønskjer å studere vidare, gir utdanninga mellom anna høve til å:



- søkje om opptak til siste året av bachelorstudium ved instituttet dersom det er ledige plassar.
  - søkje om opptak/innpassing til andre studium ved høgskulen.
  - søkje om innpassing til studieretningar og andre bachelorgradar ved høgskular og universitet i Noreg - der fagområdet kan gå inn som ein naturleg del av desse.
  - søkje om innpassing til studieretningar ved andre utdanningsinstitusjonar internasjonalt tilsvarande - våre egne høgskular og universitet.
- Sjå elles omtale av kvar enkelt modul under.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [BACHELOR I OFFENTLEG ADMINISTRASJON OG SAMFUNNSPLANLEGGING. 180 POENG](#)
  - [VITNEMÅL](#)
  - [KOMPETANSE](#)

## BACHELOR I OFFENTLEG ADMINISTRASJON OG SAMFUNNSPLANLEGGING. 180 POENG

Dette studiet er sett saman av det toårige studiet Høgskulekandidat i offentleg administrasjon (120 poeng) og følgjande 4 modular (til saman 60 poeng) som utgjer det tredje studieåret:

- *Samfunnsplanlegging. 15 poeng*
- *Regionalt utviklingsarbeid og endringsleiing. 15 poeng*
- *Ex. phil., eller tilsvarande. 15 poeng. Alternativt stor bacheloroppgåve. 15+15poeng*
- *Bacheloroppgåve. 15 poeng (alt.+15 poeng)*

I dette året set vi fokus på temaet plan- og utviklingsarbeid med vekt på dei utfordringane som den store og raske omstillinga som i dag går føre seg i samfunnet, inneber. Samfunnsplanlegging, utviklingsarbeid og endringsleiing vert sentrale tema. Ex. phil eller tilsvarande og arbeid med ei sjølvvald bacheloroppgåve inngår i dette året. Denne måten å organisere studiet på, gir kandidatane fagleg breidde og fagleg fordjuping, ein føresetnad for å arbeide med samfunnsplanlegging.

Studentane skal altså gjennomføre eit større, sjølvstendig skriftleg arbeid i form av ei bacheloroppgåve. Her kan studentane velje mellom ei 15-poengsoppgåve gjennom vårsemesteret, eller ei større 30-poengsoppgåve som vil gå gjennom heile året (sjå figur 3). For dei som ønskjer vidare studium mot ein mastergrad, og som ikkje har ex. phil eller tilsvarande frå før, vert det tilrådd å velje ex. phil. som ei førebuing til den store mastegradsoppgåva.

Det blir lagt vekt på å knyte samanhengar mellom den formidla kunnskapen og dei konkrete utfordringane ein står andsynes i dag, og deltakarane blir stimulerte til å reflektere over kva dette betyr for dei.

Nye studentar i desse modulane skal ved studiestart få oppnemnd ein personleg utdanningsrettleiar som skal vere sentral i oppfølginga av studenten gjennom heile det personlege studieløpet. Studentar som går vidare etter andre året, held fram med same rettleiaren dei hadde då. Sentralt for rettleiaren og studenten står den individuelle utdanningsplanen for studenten (jf.. omtale av utdanningsplanen i innleiinga).

Vurderingsgrunnlaget for dette påbyggingsåret til Bachelor i offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging vert ein portefølje frå kvart semester og/eller kvar modul i tillegg til eksamen. Vurderingsporteføljen skal baserast på godkjende oppgavesvar. Bacheloroppgåva vert sjølvstendig svært sentral her. Sjå elles meir detaljert informasjon om dette i omtalen av kvar modul.

### VITNEMÅL

For dei som fullfører treårig studium på 180 poeng med minimum 135 poeng fordjuping i hovuddelane i studieløypa, vert det utskrive vitnemål for Bachelor i offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging.

### KOMPETANSE

Dette studieprogrammet gir høg fagleg kompetanse til å arbeide med plan- og utviklingsarbeid i kommunar, regionar

- og lokalsamfunn. For dei som ønskjer å studere vidare, gir denne utdanninga mellom anna høve til å:
- søkje om opptak til mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging ved høgskulen.
  - søkje om opptak/innpassing til andre mastergradstudiar ved høgskular og universitet i inn- og utland.

**Student Fag- Til**  
**kontoret planar toppen**



- **BACHELORMODULANE PÅ IPA I ALFABETISK REKKEFØLGJE**
  - Bacheloroppgåve - 15 poeng / eventuelt 30 poeng
    - MÅL
    - RETNINGSLINER
    - Aktuell litteratur:
  - Examen philosophicum eller tilsvarende / alternativt stor bacheloroppgåve - 15 poeng
  - Forvaltningsarbeid - 15 poeng
    - MÅL
    - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR
    - INNHOLD
    - VURDERING OG EKSAMEN
    - AKTUELL LITTERATUR
  - Kommunal økonomi - 15 poeng
    - MÅL
    - INNHOLD
    - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR
    - VURDERING OG EKSAMEN
    - AKTUELL LITTERATUR
  - Lokalsamfunnsanalysen - tverrfagleg prosjektarbeid
  - Offentlig rett 1 / Offentlig rett 1 på Internett - 15 poeng
    - MÅL
    - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTER
    - INNHOLD
    - VURDERING OG EKSAMEN
    - AKTUELL LITTERATUR
  - Offentlig rett 2 på Internett - 15 poeng
    - MÅL
    - INNHOLD
    - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTER
    - VURDERING OG EKSAMEN
    - AKTUELL PENSUMLITTERATUR
  - Prosjektdesign og metodeval -metodekurs
    - MÅL
    - ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR
    - INNHOLD
    - VURDERING
    - AKTUELL LITTERATUR
  - Prosjektarbeid som oppgåve, inkl. metodekurset Prosjektdesign og metodeval - 15 poeng
    - MÅL
    - RETNINGSLINER
    - VURDERING
    - MÅL
    - RETNINGSLINER
    - VURDERING OG EKSAMEN
  - Regionalt utviklingsarbeid og endringsleiing - 15 poeng
    - MÅL

- [INNHALD](#)
- [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
- [VURDERING OG EKSAMEN](#)
- [Samfunnsgeografi - 15 poeng](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [AKTUELL LITTERATUR](#)
- [Samfunnsplanlegging - 15 poeng](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [AKTUELL LITTERATUR / PENSUM](#)
- [Sosiologi - 15 poeng](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [AKTUELL LITTERATUR](#)
- [Statsvitskap og organisasjonsteori - 15 poeng](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG UNDERVISNINGSFORM](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [AKTUELL LITTERATUR](#)
- [Økonomi -15 poeng](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [AKTUELL LITTERATUR](#)

---

## BACHELORMODULANE PÅ IPA I ALFABETISK REKKEFØLGJE

### BACHELOROPPGÅVE - 15 POENG / EVENTUELT 30 POENG

Kurstype: Prosjektarbeid/påbygging

Opptakskrav: Høgskulekandidat i offentlig administrasjon eller tilsvarande

Tidsrom: Femte og/eller sjette semester. Dei som ønskjer å skrive ei stor bacheloroppgåve tilsvarande 30 poeng, kan gjere dette over femte og sjette semester. For desse vil då felle delen av vitskapsfilosofi eller ex. phil. falle bort i femte semesteret.

Fagansvarleg: Fagansvarleg i samarbeid med utdanningsrettleiar.

#### MÅL

Studentane skal gjennom arbeidet med bacheloroppgåva gjennomføre eit større, sjølvstendig skriftleg arbeid som drøftar ei avgrensa problemstilling innanfor eit sjølvvalt tema/fagområde. Kurset i prosjekt design og metodeval i 4. semester vil bli vidareført og dannar utgangspunkt for arbeidet med bacheloroppgåva.

#### RETNINGSLINER

Tema og problemstilling skal vere godkjent av instituttet. Bacheloroppgåva kan gjerne bygge vidare på arbeid og erfaringar knytt til praksisopphaldet eller prosjektoppgåveskrivinga i 4. semester. Det blir stilt nærare krav til form, omfang og innhald knytt til arbeidet med bacheloroppgåva. Kvar kandidat vil få oppnemnd ein fagrettleiar. Det kan veljast anten ei teoretisk/litterær oppgåve eller ei empirisk oppgåve - eller ein kombinasjon mellom desse to oppgåvetypane. Ei teoretisk oppgåve tek utgangspunkt i analysar og drøftingar som andre har gjort. Ei empirisk

oppgåve byggjer på data som studenten sjølv samlar inn, eller byggjer vidare på analyse av datamateriale som andre har samla inn.

Oppgåva skal skrivast individuelt. Framstillinga skal vere i samsvar med reglar og retningslinjer for vitenskapleg forfatterskap/rapportering.

Arbeidet med oppgåva strekkjer seg i tid over heile studieåret for dei som ønskjer at den skal gi 30 studiepoeng, og over 6. semesteret for studentar som ønskjer ho skal gi 15 studiepoeng. Det vert lagt opp til ei form for undervegsrapportering til fagrettleiar med eksakte fristar for konkrete delmål.

#### **Vilkår:**

Oppgåva skal vere levert innan fristen og vere utforma i samsvar med standarden for studentarbeid. Det blir gitt ein bokstavkarakter på oppgåva. Oppgåva vil få ein ekstern sensor i tillegg til fagansvarleg.

#### **Aktuell litteratur:**

Kvar student søker fram til og brukar den litteraturen som er relevant for arbeidet med bacheloroppgåva. Metodekurset tar utgangspunkt i aktuell litteratur knytt til samfunnsvitenskapleg metode og prosjektarbeid.

## **EXAMEN PHILOSOPHICUM ELLER TILSVARANDE / ALTERNATIVT STOR BACHELOROPPGÅVE - 15 POENG**

Det vert vist til studieplan for Examen philosophicum.

### **FORVALTNINGSARBEID - 15 POENG**

Kurstype: Grunnkurs

Tidsrom: Vårsemesteret

Fagansvarleg: Inge Dyrhol, Klaus Egge (koord.), Bernt Olav Øvregaard

#### **MÅL**

Modulen skal gi studentane kjennskap til formale og praktiske element i sakshandsamingsarbeid i offentleg forvaltning, og grunnlaget for dei, slik at dei kan bruke lovverk og reglar, tenkjemåtar og arbeidsmåtar i praktisk arbeid som sakshandsamarar. Samstundes bør studentane tileigne seg ei forståing av brukarorientering og omstillingsarbeid i forvaltninga, og kjenne hovudtrekka i arbeidsretten.

#### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Førelingar, seminar, gruppearbeid og individuelle arbeidsoppgåver. Studentane skal skrive tre oppgåver. Oppgåvene er obligatoriske og skal leverast inn. Oppgåvene skal utgjere ein vurderingsportefølje som saman med eksamen skal liggje til grunn for den totale vurderinga i modulen.

#### **INNHALD**

Modulen gir ei stutt innføring i :

- Offentleg forvaltning - brukarorientering, omstilling, kommunikasjon, informasjon, forvaltnings-struk-tur og styring, avgjerdsprosessar, saks--hand-samings-prosessen, praktisk sakshandsaming.
- Offentleg rett - sakshandsamingsreglar etter forvaltningslova, innsynsrett etter offentleglova. Offentleg informasjon. Off. forvaltning og avtale- og møteverksemd. Off. forvaltning og internasjonal verksemd.
- Prosjektarbeid
- Yrkesetikk - etikkmodellar, korleis yrkesetiske problemstillingar er forankra i grunnlagsetikk, særleg i menneskesyn og samfunnssyn. Statsforvaltninga som offentleg verdiforvaltar. Etikk i kommunen. Ytringsfridom og lojalitetsplikt.
- Arbeidsrett, kompetanseutvikling og internkontroll (HMS - helse, miljø og tryggleik).

#### **VURDERING OG EKSAMEN**

Individuell 2 timar skriftleg eksamen ved avslutninga av modulen i tillegg til porteføljen. Kvar av oppgåvene i porteføljen vil få ei vurdering i form av ein bokstavkarakter. Porteføljen vil telje 60% (20% x 3) og eksamen 40% ved fastsettinga av den endelege karakteren i modulen.

Hjelpemiddel: Til eksamen skal studenten ha med Lovsamlinga (Norges lover)

## AKTUELL LITTERATUR

### Offentleg forvaltning - prosessar og strukturar

1. Arb.- og adm.dep.1999. *Offentlig sektor - et spørsmål om tillit. Forvaltningspol. rede-gjørelse*. 18 s.
2. Bleiklie, Ivar, Jacobsen, Knut Dahl og Thorsvik, Jan. 1997 (1979). «Forvaltningen og den enkelte», kap. 9 (s. 301-334) i Christensen, Tom og Egeberg, M. 1997. *Forvaltningskunnskap*. Oslo. Tano Aschehoug. 34 s.
3. Bomann-Larsen, Petter og Jensen, Thor Øivind. «Brukerproblemer med forvaltningskultur», s. 189-215 i Bleiklie, Ivar o.fl. (red.) 1985. *Politikkens forvaltning*. Bergen. Universitetsforlaget. 27 s.
4. Jacobsen, Dag Ingvar og Thorsvik, Jan. 2002. *Hvordan organisasjoner fungerer. Innføring i organisasjon og ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. 2. utg., kap. 7-9 (Individ og organisasjon; Kommunikasjon i organisasjoner; Beslutningsprosesser i organisasjoner). Side 229-324. 96 s.
5. Jacobsen, Dag Ingvar og Thorsvik, Jan. 2002. *Hvordan organisasjoner fungerer. Arbeidsbok og case-samling*. Bergen: Fagbokforlaget. 2. utg., s. 117-157. 41 s.
6. Grønlie, Tore og Selle, Per. «Fortsatt én stat?», kap. 1 (s. 9-20) i Grønlie, Tore og Selle, Per. 1998. *Ein stat? Fristillingas fire ansikt*. Oslo. Samlaget. 11 s.
7. Hannerød, Arvid M., og Kalvø, Rolf. 2000. *Tilsyn og kontroll i kommuner og fylkeskommuner*. Oslo. Komm.forl. Kap. 1-4. 16 s.
8. Jacobsen, Knut Dahl. 1965. "Informasjonstilgang og likebehandling i den offentlige virksomhet". *Tidsskrift for samfunnsforskning* 1965. 14 s.
9. Lagerløv, Sverre (red.). 1999. *Forvaltningshåndboka*. Oslo: Ad Notam Gyldendal (95 s.): Egil Rokhaug: «Praktisk saksbehandling i forvaltningen», kap. 5 (s. 91-122). Finn Erik Vinje: «Språket, samfunnet og forvaltningen», kap. 6 (s. 123-146). Pål Sørgård: «Informasjonsteknologi i offentlig sektor», kap. 8 (s. 166-182). Vivi Lassen: «Overordnet styring av offentlig virksomhet», kap. 11 (s. 213- 233).
10. Simonsen, Arne. 1998. *Deltaker i samfunnet. Håndbok i kommunal informasjon*. Oslo: Kommune-forlaget. Kap. 1. «Hvorfor skal vi informere?»; del av kap. 2. «Hvordan finner vi informasjonsbehovet i kommunen?», s. 9-46. 38 s.

### Yrkesetikk

11. Bergen kommune og Lohne, Eilert Jan. 1996. *Etikk i forvaltningen - Arbeidshefte til videogram*. Kommuneforlaget (videogrammet blir brukt i undervisninga).
12. Blymke, Øystein. 1999. «Etikk - statsforvaltningen som offentlig verdiforvalter», kap. 2 (s.27-43) i Lagerløv, Sverre (red.). 1999. *Forvaltningshåndboka*. Oslo: Ad Notam Gyldendal. 17 s.
13. Christoffersen, Svein Aage. 1997. *Handling, Person, Samfunn - En innføringsbok i grunnlagsetikk for helse- og sosialfagene*. Oslo: Tano Aschehoug. 173 s.
14. Engelstad, Fredrik o.fl. (red.). 1999. *Samfunn og vitenskap - Samfunnsfagenes fremvekst, oppgaver og arbeidsmåter*. Kap. 21 «Profesjonsetikk» (s. 452-466). Oslo: Ad Notam Gyldendal. 15 s.
15. Myklebust, Ingunn Elise. 1997. *Ytringsfridom og lojalitetsplikt for kommunalt tilsette*. Det juridiske fakultets skriftserie nr. 69, Universitetet i Bergen. 22 s.:

Kap. 3. «Omsyn for og mot ytringsfridom for kommunalt tilsette», s.15-24.

Kap. 4. «Historiske utviklingstrekk», s. 25-32.

Kap. 5. «Svensk og dansk rett», s. 33-36.

### Prosjektarbeid

16. Westhagen, Harald m.fl. 1995. *Prosjektarbeid*. Universitetsforlaget.
17. Svein Arne Jessen: «Prosjektarbeid i offentlig forvaltning sammenliknet med prosjektarbeid i privat virksomhet», kap. 9, s. 183-198 i Lagerløv, Sverre (red.). 1999. *Forvaltningshåndboka*. Oslo: Ad Notam Gyldendal. 16 s.

### Offentleg rett - sakshandsaming

18. Lagerløv, Sverre (red.). 1999. *Forvaltningshåndboka*. Oslo: Ad Notam Gyldendal:

Bull, Henrik. 1999. «Offentlig forvaltning og internasjonal virksomhet». Kap. 12 (s.

234-258), 25 s.

Fliflet, Arne. «Forvaltningsloven», kap. 3 (s. 44-73), 30 s.

Fremo, Skjalg. «Offentlighetsloven», kap. 4 (s. 74-90), 17 s.

Woxholth, Geir. 1999. «Avtale- og møtevirksomhet i det offentlige». Kap. 7(s.147-165), 19 s.

19. Overå, Oddvar og Bernt, Fridthjof. 1997. *Kommuneloven med kommentarer*. Oslo: Kommuneforlaget (2. utg.): "§ 22 Administrasjonssjef" og "§ 23 Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet", s. 159-170. 22s.

20. Schartum, Dag Wiese.1999. «Informasjonsteknologi og åpen informasjonstilgang», s. 112-128 i Braa, Kristin, Tetland, Per og Liestøl, Gunnar (red.) 1999. *Netts@mfunn*. Oslo. Tano Aschehoug.

### **Arbeidsrett, kompetanseutvikling og internkontroll (HMS)**

21. Beck, Tom H. 1996. *Arbeidslivets spilleregler*. Oslo: Tano-Aschehoug. 189 s.

22. Lagerløv, Sverre (red.). 1999. *Forvaltningshåndboka*. Oslo: Ad Notam Gyldendal:

Lagerløv, Sverre. «Kompetanseutvikling i offentlig virksomhet», kap. 13 (s. 259-286) 28s.

Larsen, Per Arne. «Systematisk helse-, miljø-, og sikkerhetsarbeid i offentlig virksomhet (Internkontroll)», kap. 10 (s. 199-211) 13 s

23. Karlsen, Jan Erik. 1997. *Ledelse av Helse, Miljø og Sikkerhet*. Bergen. Fagbokforlaget: kap. 9: «Metoder og verktøy for HMS-styring» (s. 203-226). 24 s.

## **KOMMUNAL ØKONOMI - 15 POENG**

Kurstype: Grunnkurs

Tidsrom: Haustsemesteret

Fagansvarleg: Inge Dyrhol

### **MÅL**

Kunnskap om intern økonomisk styring av kommunar. Modulen vil gi teoretisk kunnskap om styring og styringsreiskapar, men og kunnskapar om regelverk, rammevilkår og rutinar, t.d. i samband med økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap og årsmeldingar.

### **INNHALD**

Modulen tek føre seg intern økonomisk styring av kommunar. Modulen vil gi teoretisk kunnskap både om styring og styringsreiskapar, men og kunnskapar om regelverk, rammevilkår og rutinar, t.d. i samband med økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap og årsmeldingar.

Tema:

- Kostnadsteori og rekneskap.
- Leiing og økonomisk styring.
- Rutiner i kommunal økonomisk styring.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Det blir lagt vekt på ein kombinasjon av førelesingar, gruppearbeid, øvingar og oppgåveskriving.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

Det skal skrivast to oppgåver som inngår i porteføljen ved endeleg vurdering. Kvar av oppgåvene vil i sluttvurdering få ein bokstavkarakter. Dessutan vert det ein 4 timars skriftleg eksamen. Kvar oppgåve tel 25% og eksamen tel 50% ved fastsetting av den endelege karakteren i modulen.

### **Hjelpemiddel til eksamen:**

Det blir vist til "Instruks for hjelpemidler til eksamen ved studier ved Avdeling for samfunnsfag", sist endra av avdelingsstyret 09.05.00



Ved eksamen i kommunal økonomi ved Institutt for planlegging og administrasjon kan ein ta med:

- a) Samlingen Norges lover
- b) Særutgaver, særtrykk eller fotokopier av lover fra 1660 og senere
- c) Kalkulator
- d) Rettskrivingsordlister

§ 2 tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende. Innarbeidelser i tillatte hjelpemidler kan skje etter reglene i § 3.

### **AKTUELL LITTERATUR**

Johnsen, Erik, Tor Busch og Jan Ole Vanebo 2002: *Økonomistyring i det offentlige*, 3. utg., Universitetsforlaget.  
Jørgensen, Torben Beck og Poul Erik Mouritzen 2001: *Utgiftspolitik og budgetlægning*, 2. utg., Systime.  
Kleven, Terje (red.) 1998: *Planlegging og handling. Kommunal planlegging som grunnlag for politisk styring*, del III og IV, 2. utg, Kommunalforlaget.  
Dyrhol, Inge 2001: *Kommunal økonomiplan*, kompendium.  
Dyrhol, Inge 2001: *Kommunaløkonomiske emne*, kompendium.  
Jenssen, Jan Inge og Karl Robertsen 2000: *Kommunaløkonomi - i et styringsperspektiv*, Høyskoleforlaget.  
Artikkelstoff o.l.

### **LOKALSAMFUNNSANALYSEN - TVERRFAGLEG PROSJEKTARBEID**

Første studieåret skal studentane gjennom gruppearbeid integrere faga dei har arbeidd med. Lokalsamfunnsanalysen skal vere ein studie av utvalde lokalsamfunn: førebuing, feltarbeid og rapportskriving. Til slutt presenterer arbeidsgruppene resultatet.

### **OFFENTLIG RETT 1 / OFFENTLIG RETT 1 PÅ INTERNETT - 15 POENG**

Kurstype: Grunnkurs  
Fagansvarlig: Bernt Olav Øvregaard  
Tidsrom: a) Som del av bachelor-graden: Høstsemesteret

b) Som selvstendig (nett)studium: Høst- og vårsemesteret

### **MÅL**

Modulen har som mål å gi innføring i selvstendig juridisk tenking og gi kjennskap til en del hovedregler innen den offentlige rett. Det vil bli lagt vekt på å gi studentene trening i rettsanvendelse.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTER**

- Som del av Bachelor-graden: Undervisninga blir gjennomført i høstsemesteret og vil veksle mellom tradisjonell undervisning (forelesninger og seminar) og nettundervisning. Det skal inngis arbeidsoppgave som blir vurdert og inngår i eksamenskarakteren.
- Som selvstendig nettstudium: Undervisning vil bli gitt gjennom aktiviteter på nettet som utleggelse av leksjoner og ulike diskusjonsfora m. m.

### **INNHold**

Modulen inneholder følgende emner:

1. Rettskildelære (juridisk metode)
2. Statsrett.
3. Forvaltningsrett.
4. Kommunalrett.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

Det settes en samlet karakter ut fra:

- Samlet vurdering av en etter nærmere regler inngitt besvarelse i løpet av et semester og som teller 50% i sluttvurderingen. Besvarelsen får en bokstavkarakter i vurderingen.
- Vurderingen av en oppgave som legges ut på nettet og som besvares i løpet av 4 timer og som teller 50% i sluttvurderingen.

### **AKTUELL LITTERATUR**

Rettskildelære Boe, Erik og Jan E. Helgesen: Oversikt over juridisk metode og statsrett. Kap. 1-3.

Statsrett Boe, Erik og Jan E. Helgesen: Oversikt over juridisk metode og statsrett. Kap. 5-24.  
Forvaltningsrett Eckhoff, Torstein og Eivind Smith. 1997. Forvaltningsrett, 6. utg., kap. 3,8,9,11,12,17-28,30,31  
(side 41-57, 163-214, 235-310, 383-561, 569-604  
Kommunalrett Jan Fridthjof Bernt, Oddvar Overå og Harald Hove. 202. Kommunalrett. 4. utg., kap. II, IV-VII  
unntatt VII nr. 9, IX, XIII (side 59-123, 183-473, 555-595, 701-730).

## **OFFENTLIG RETT 2 PÅ INTERNETT - 15 POENG**

Kurstype: Grunnkurs

Målgruppe: Studenter i grunnutdanning, personer som vil ha nytte av å øke sine kunnskaper om offentlig rett.

Fagansvarlig: Bernt Olav Øvregaard

Tidsrom: Høst- og vårsemesteret

## **MÅL**

Modulen har som mål å gi innføring i sentrale offentligrettslige regler, selvstendig juridisk tenking og i anvendelse av juridiske kunnskaper.

Modulen skal inneholde kunnskaper i juridisk metode, statsrett og utvalgte emner fra forvaltningsretten samt kunnskaper om domstolene og andre uavhengige kontrollorganer og deres forhold til forvaltningen. Dessuten behandles strafferett og straffeprosess som eksempel på offentligrettslig tvang mot borgerne.

## **INNHold**

- Modulen inneholder følgende emner:

- Juridisk metode (rettskildelære)

- Statsrett

- Kontroll med forvaltningen

- Sivilprosess

- Strafferett

- Straffeproses

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTER**

Studenter anbefales først å avlegge eksamen i Offentlig rett 1, med mindre de har tilsvarende realkunnskaper - f.eks kurset Forvaltningsrett på Internett, Forvaltningsrett (på 3. året på kommunalfagutdanningen ved HVO), jusmodulen på Kombinerte trygdestudier (KOST).

Modulen er et selvstendig nettstudium som består av ulike emner hvor undervisning vil blir gitt gjennom aktiviteter på nettet som utleggelse av leksjoner og ulike diskusjonsfora m. m.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Karaktergrunnlag:

1. 1 innlevert besvarelse på 10 - 15 sider i løpet av et semester tellende med 50 %.

2. Oppgave lagt ut på nettet besvart i løpet av 4 timer tellende med 50 %.

Det vises ellers til generell omtale av vurdering og eksamen i studieplanen for Institutt for planlegging og administrasjon. Det tas forbehold om endringer i studieplanen.

## **AKTUELL PENSUMLITTERATUR**

Boe, Erik: Innføring i juss. Juridisk tenkning og rettskildelære, Oslo 1996 Tano Aschehoug

Andenæs, Johs.: Statsforfatningen i Norge, 8. utg. (Oslo 1998: Tano Aschehoug)

Eckhoff, Torstein og Smith, Eivind: Forvaltningsrett, 6 utgave 1997 side 605-659 (kap 32-35)

Knoph: Oversikt over Norges rett. 11. Utgave. 1998. Universitetsforlaget §§119-121 (side 805-831)

Eskeland, Ståle: Strafferett. Cappelen Akademiske Forlag 2000 side 379-386

Utdrag av Ot.prp.nr.5 (2000-2001). Om lov om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringsloven)

De tre siste titlene vil komme i eget kompendium

Endelig pensumliste vil bli lagt frem av faglærer ved studiestart.

## **PROSJEKTDESIGN OG METODEVAL -METODEKURS**

Kurstype: Obligatorisk del av dei alternative modulane Prosjektarbeid som praksis / oppgåve. For studentar i eit treårig bachelorløp, vert kurset sett i samanheng med, og som del av, fellesdelen i vitkapsfilosofi i 5. semester og tel då som 5 poeng i ex.fac.- delen.

Tidsrom: Fordelt på to bolkar i perioden januar - februar

Fagansvarleg: Sveinung Dimmen og Jon Olav Myklebust

### **MÅL**

Dette kurset er ei førebuing og ei støtte for arbeidet med prosjektoppgåve og praksisrapport i 4.semester.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Undervisninga er lagt opp som førelesingar/seminar. Kurset startar med ei brei innføring i prosjektarbeid, prosjektdesign og metodeval. Deretter skal studentane lage ei skisse til prosjektet i samband med oppgåveskriving eller praksisutplassering, og denne skissa skal kvar student arbeide vidare med under kurset. I siste delen av kurset blir det lagt vekt på tema som skriveprosessar, publisering og rapportering.

### **INNHALD**

Innføring i prosjektarbeid, prosjektdesign og metodeval.

Utkast/skisse til eige prosjekt/semesteroppgåve.

Skriveprosessar, publisering og rapportering.

### **VURDERING**

Vilkår: Obligatorisk deltaking.

Godkjent prosjekttomtale og andre obligatoriske arbeidskrav.

### **AKTUELL LITTERATUR**

Hoel, Torlaug Løkensgard 1992/1995: *Tanke blir tekst. Skrivehjelp for studentar*. Oslo: Samlaget.

Jørgensen, Harald 1992: *Hovedoppgaven. Skikk og bruk i oppgavearbeidet*. Oslo: Novus.

## **PROSJEKTARBEID SOM OPPGÅVE, INKL. METODEKURSET PROSJEKTDESIGN OG METODEVAL - 15 POENG**

Kurstype: Prosjektarbeid som oppgåve, alternativ til Prosjektarbeid som praksis.

Tidsrom: Perioden mars, april og mai i fjerde semester

### **MÅL**

Studentane skal gjennom prosjektoppgåva gjennomføre eit større, sjølvstendig skriftleg arbeid som drøftar ei avgrensa problemstilling innanfor eit sjølvvalt tema/fagområde. Kurset i prosjektdesign og metodeval i 4. semester vil vere eit viktig utgangspunkt for arbeidet.

### **RETNINGSLINER**

Tema og problemstilling skal vere godkjent av instituttet. Det blir stilt nærare krav til form, omfang og innhald knytt til arbeidet med prosjektoppgåva. Det kan veljast anten ei teoretisk/litterær oppgåve eller ei empirisk oppgåve - eller ein kombinasjon mellom desse to oppgåvetypane. Ei teoretisk oppgåve tar utgangspunkt i analysar og drøftingar som andre har gjort. Ei empirisk oppgåve byggjer på data som studenten sjølv samlar inn, eller byggjer vidare på analyse av datamateriale som andre har samla inn. Kvar student/studentgruppe får ein rettleiar ved instituttet.

**Vilkår:** Oppgåva skal vere levert innan fristen og vere utforma i samsvar med standarden for

studentarbeid. Studentane bør opphalde seg i Volda. Oppgåva kan skrivast individuelt eller av ei gruppe på to eller tre studentar. Framstillinga skal vere i samsvar med reglar og retningslinjer for vitenskapleg forfatterskap/rapportering og studentane skal ha gjennomgått metodekurset Prosjektdesign og metodeval.

**Aktuell litteratur:** Kvar student søkjer fram til og bruker den litteraturen som er relevant for arbeidet med prosjektoppgåva.

## VURDERING

Oppgåva tel som eksamen og det blir gitt bokstavkarakterar.

### Prosjektarbeid som praksis inkl. metodekurset Prosjektdesign og metodeval - 15 poeng

Kurstype: Prosjektarbeid som praksis, alternativ til Prosjektarbeid som oppgåve.

Tidsrom: Perioden mars, april og mai i fjerde semester

## MÅL

Studentane skal gjennom praksisarbeidet rette søkelyset mot koplingane mellom teori og handling. Praksisopphaldet skal dokumenterast gjennom ein eigen praksisrapport. Rapporten skal vere eit sjølvstendig skriftleg arbeid som drøftar aktuelle problemstillingar med utgangspunkt i erfaringane frå praksisopphaldet. Kurset i prosjektdesign og metodeval i 4. semester vil vere eit viktig utgangspunkt for arbeidet.

## RETNINGSLINER

Val av praksiskommune/-stad skal vere godkjent av instituttet. Det blir stilt nærare krav til form, omfang og innhald knytt til arbeidet med praksisrapporten. Framstillinga skal vere i samsvar med reglar og retningslinjer for vitenskapleg forfatterskap/rapportering. Kvar kandidat vil få oppnemnd ein fagrettleiar/rettleiar ved instituttet og på praksisstaden.

**Vilkår:** Oppgåva skal vere levert innan fristen og vere utforma i samsvar med standarden for studentarbeid.

**Aktuell litteratur:** Kvar student søker fram til og bruker den litteraturen som er relevant for arbeidet med praksisrapporten.

## VURDERING OG EKSAMEN

Praksisopphald og praksisrapport blir evaluert med stått - ikkje stått.

### REGIONALT UTVIKLINGSARBEID OG ENDRINGSLEIING - 15 POENG

Kurstype: Påbygging

Opptakskrav: Høgskulekandidat i offentleg administrasjon eller tilsvarende.

Tidsrom: Vårsemesteret

Fagansvarleg: Jan Driveklepp

*Denne modulen er under utvikling.*

*Undervisinga vil skje i vårsemesteret, truleg i blokker*

## MÅL

Målet med kurset er å gje studentane ei større forståing i samspelet mellom offentleg og privat sektor i samfunnet. Det er viktig å få fram at det må felles innsats til for å skape vekst og utvikling i samfunnet, og at gjensidig forståing og samarbeid er sentralt. Kurset har to hovudstikkord som gjensidig overlappar kvarandre, målet er å gje studentane innsyn i begge, både utviklingsarbeid og endringsleiing.

## INNHALD

Utviklingsarbeid vil vere innretta på det som må til for å skape utvikling og vekst i næringsliv og samfunn, både i offentleg sektor og ikkje minst i skjeringspunktet mellom offentleg sektor og den private delen av næringslivet. Det er viktig å få fram korleis offentleg forvaltning kan vere med på å skape vekst gjennom tilrettelegging og påverknad i ei tid der utvikling og omstilling stiller aukande krav til effektiv handling.

Leiing er eit omfattande tema som vil bli gjennomgått på generell basis. Likevel vil vi i denne modulen konsentrere oss mest om det å vere leiar i ei tid der omstilling og endring skjer i aukande takt. Vi vil gå gjennom dei spesielle utfordringane det er å vere leiar i ein slik situasjon, og kva krav dette stiller til personen som er leiar. Eit tema her vil også vere å sjå på leiing der samspelet mellom offentleg og privat sektor er i sterk endring samstundes viktigare enn nokon gong.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

I vårsemesteret, og det blir ein kombinasjon av førelesingar, gruppearbeid og individuelle arbeidsoppgåver/praktiske øvingar.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane leverer inn to oppgåver til vurdering i løpet av studieåret. Det vil bli gitt ein bokstavkarakter på kvar av oppgåvene. I tillegg vil det bli ein 3 timars skriftleg eksamen (eksamenslengd endra 03.04.2003). Dei to innleveringsoppgåvene tel 60 % (30% x 2) og eksamen 40 % ved fastsetjing av den endelege karakteren i modulen.

## SAMFUNNSGEOGRAFI - 15 POENG

Kurstype: Grunnkurs  
Fagansvarleg: Sveinung Dimmen

### MÅL

Modulen skal gi grunnleggande kunnskap om lokale og regionale planleggings- og utviklingsprosessar. Miljøperspektivet står sentralt. Eit viktig utgangspunkt vil vere romlege studiar av variasjonar og samanhengar mellom samfunnsforhold, miljøforhold og naturforhold.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Undervisning blir gjennomført med ein fast dag i veka både haust og vår. I tillegg til førelesingar blir det gitt arbeidsoppgåver som skal løysast individuelt og i grupper. Studentane skal levere inn to oppgåver undervegs til vurdering. Innleveringane er obligatoriske. Oppgåveskrivinga skal individuelt rettleiast av utdanningsrettleiaren eller faglæraren.

### INNHALD

Innhaldet i modulen spenner vidt, med ei orientering meir i breidde enn i djupne, og er sett saman av fire undervisningsblokker:

- Om geografifaget - innhald og metode.
- Regional planlegging og utvikling.
- Miljø og samfunn.
- Studiar i lokalsamfunn og nærmiljø.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane leverer to oppgåver til vurdering i løpet av studieåret. Kvar av oppgåvene vil få ein bokstavkarakter. Oppgåvene blir grunnlag for 60 % (30% x 2) av den endelege vurderinga i modulen. Det vil bli halde ein 3 timars avsluttande eksamen (eksamenslengd endra 03.04.2003). Eksamen vil telje 40 % av den endelege vurderinga i modulen.

## AKTUELL LITTERATUR

- Benjaminsen, Tor A. Og Hanne Svarstad (red.) 1998: *Samfunnsperspektiver på miljø og utvikling*. Oslo: Tano Aschehoug. Utdrag kap. 2 og 4 (ca. 55 s.)
- Bukve, Oddbjørn. 1997: *Kommunal forvaltning og planlegging*. Oslo: Det Norske Samlaget. Del 6, s. 259 - 312.
- Fiskaa, Helge 1992 (red): *Fysisk planlegging -ei innføringsbok. Inst. for by- og regionplanlegging*. Trondheim: NTH.
- Hansen; Jens Christian og Tor Selstad 1999: *Regional omstilling - strukturbestemt eller styrbar?* Bergen: Universitetsforlaget. Kap. 8 og 10, s.225 - 254 og s.282 - 303.
- Holt-Jensen, Arild 1990: *Geografiens innhold og metoder*. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag kap. 1 og 5 (65 s.)
- Langdalen, Erik 1994: *Arealplanlegging. Form, funksjon, fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- St.meld. nr. 29 (1996-97): *Regional planlegging og arealpolitikk*. Miljøverndept. Utdrag kap. 1, 5, 6 og 7 + vedlegg 2, 3 7 og 8 (ca. 70 s.)
- Strande, Kari 1990: *Kart og kartbruk*. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag ca. 120 s.
- Aarsæther, Nils og Aksel Hagen (red.) 2001: *Planlegging.no!* Oslo: Kommuneforlaget.
- **Diverse artikkelstoff**

## SAMFUNNSPLANLEGGING - 15 POENG

Kurstype: Påbygging

Opptakskrav: Høgskulekandidat i offentlig administrasjon eller tilsvarende

Tidsrom: Haustsemesteret

Fagansvarleg: Nils Magne Magerøy

## MÅL

Modulen skal sette studentane i stand til å forstå og forklare sentrale modellar og omgrep i planleggingsteorien. Vidare skal studentane kunne designe eit plan- og evalueringssystem og gjere greie for kva for teoriar og metodar som eignar seg i dei ulike delane av styringssystemet.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Det blir lagt vekt på ein kombinasjon av førelesingar, gruppearbeid og øvingar. Studentane skal skrive to heimeoppgåver under rettleiing frå faglærar. Oppgåvene skal leverast inn og vurderast.

## INNHALD

Modulen tek utgangspunkt i sentrale tema frå modulen samfunnsgeografi første året og går djupare inn på desse. Organisering og samordning av planlegging vil stå sentralt, med spesiell vekt på langsiktig planlegging.

Innhaldet er delt i to delar:

Planleggingsteori.

Samordna kommuneplanlegging.

## VURDERING OG EKSAMEN

Studentane leverer to oppgåver til vurdering i løpet av studieåret. Kvar av oppgåvene vil få ein bokstavkarakter. Oppgåvene blir grunnlag for 60 % (30% x 2) av den endelege vurderinga i modulen. Det vil bli halde ein 2 timars avsluttande eksamen. Eksamen vil telje 40 % av den endelege vurderinga i modulen.

## AKTUELL LITTERATUR / PENSUM

Amdam, J. 1985: *Alternativ og konsekvensar*. Volda: MRDH. Kapittel 3 - 6. (85 s).

Amdam J. og Amdam R. 2000: *Kommunikativ planlegging*. Oslo: Det Norske Samlaget. Kapittel 1 og 2 (60 s.).

Amdam J. og N. Veggeland 1998: *Teorier om samfunnsplanlegging*. Oslo: Universitetsforlaget (239s).

Brox, O. 1995: *Dit vi ikke vil*. Oslo: Exil (106 s).

Kleven T.(red.) 1998: *Planlegging og handling*. Oslo: Kommuneforlaget (del I, II og V,103s).

Miljøverndepartementet 1997: *Konsekvensutredninger etter plan og bygningsloven*, T-1173. (13 s).

Miljøverndepartementet og Kommunenes Sentralforbund (red) 1996: *Med nye kort. Fylkesplanlegging for fornyelse av lokaldemokratiet - Samlerapport fra utviklingsprogrammet*. Oslo: Kommuneforlaget (50 s).

I tillegg kjem følgjande artiklar i eit eige kompendium for modulen:

Kleven, T. 1993: «...det rullerer og det går...». Om politikeres problematiske forhold til planlegging», i *Tidsskrift for samfunnsforskning* nr. 34: 31-51 ( 20 s).

Røhnebæk, Ø. 1995: «Plan og bygningsloven», i *Miljø og jus*. Oslo: Universitetsforlaget. Kapittel VII. (22s).

## SOSIOLOGI - 15 POENG

Kurstype: Grunnkurs

Fagansvarleg: Jon Olav Myklebust

## MÅL

I denne modulen skal studentane få grunnleggjande innsikt i sosiologisk analyse av samfunn på ulike nivå. Då trengst det kunnskap om generell sosiologisk teori og metode. Målet er spesielt å utvikle forståing for livsløpstilnærmingar og regionalsosiologiske perspektiv.

## ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Undervisning blir gjennomført med ein fast dag i veka både haust og vår. I tillegg til førelesingar blir det gitt ei arbeidsoppgåve som skal løysast individuelt. Oppgåveskrivinga skal rettleiast av utdanningsrettleiaren eller faglæraren.

## **INNHALD**

I dette studiet har sosiologien fire tyngdepunkt:

Sosiologisk teori, sosiologisk metode, sosiodemografi og lokalsamfunnssosiologi.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Studentane leverer ei oppgåve til vurdering i løpet av studieåret. Oppgåva vil bli vurdert med ein bokstavkarakter. Oppgåva blir grunnlag for 50 % av den endelege vurderinga i modulen. Det vil bli halde ein 3 timars avsluttande eksamen. Eksamen vil telje 50 % av den endelege vurderinga i modulen.

## **AKTUELL LITTERATUR**

Almås, Reidar (1995): Bygdeutvikling. Det Norske Samlaget.

Brox; Ottar (1999): *Hva er samfunnsvitenskap*. Fagbokforlaget.

Frønes, Ivar, Heggen, Kåre, Myklebust, Jon Olav (1997): *Livsløp. Oppvekst, generasjon og sosial endring*. Universitetsforlaget.

Hellevik, Ottar (1995): *Sosiologisk metode*. Universitetsforlagets Metodebibliotek.

Martinussen, Willy (1991): *Sosiologisk analyse*. Universitetsforlaget.

Hansen, Jens Chr. og Selstad, Tor (1999): *Regional omstilling - strukturbestemt eller styrbar?* Universitetsforlaget. Kapittel 1 og 9.

## **STATSVITSKAP OG ORGANISASJONSTEORI - 15 POENG**

Kurstype: Grunnkurs

Fagansvarleg: Klaus Egge

Modulen er delt i tre bolkar, kvar på 5 poeng. Emne: Offentleg forvaltning; Organisasjonsteori; Politisk analyse

## **MÅL**

Modulen skal gi studentane innsikt i og reiskapar til å analysere offentleg verksemd gjennom studiet av hovudtrekk ved politiske og administrative strukturar og prosessar lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

## **ORGANISERING OG UNDERVISNINGSFORM**

Førelesingar og seminar. Arbeidsoppgåver som skal løysast individuelt og i grupper. Studentane skal levere inn tre skriftlege oppgåver i utkast og som fullførde oppgåver.

## **INNHALD**

Modulen er ei innføring i statsvitenskaplege emne og i organisasjonsteori.

- Institusjonskunnskap: statsapparat og offentleg styring, offentleg forvaltning, kommunal organisering.
- Politiske regime og politiske prosessar: staten, politisk utvikling, demokrati, politisk leiarskap, politiske val.
- Internasjonal politikk: Statssystem, utanrikspolitikk, internasj. organisasjon.
- Organisasjonsteori: organisering, organisasjonsformer, organisasjonsåferd.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Studentane leverer ei heimeoppgåve til vurdering i kvart emne, ved avslutninga av bolken. Kvar oppgåve vil få ein bokstavkarakter. Kvart emne tel 1/3 i samla karakter på modulen.

Sjå elles generell omtale av vurdering og eksamen i studieplanen for Institutt for planlegging og administrasjon.

## **AKTUELL LITTERATUR**

### ***Offentleg forvaltning***

Fimreite, Anne Lise og Grindheim, Jan Erik. 2001. *Offentlig forvaltning*. Oslo. Univ.forlaget. 200 s.

Hagen, Terje P. og Sørensen, Rune J. 1997: *Kommunal organisering - Effektivitet, styring og demokrati*. Universitetsforlaget. Kap. 6-8, s. 123-170, 48 s.

Østerud, Øyvind. 2002: *Statsvitenskap: innføring i politisk analyse*. Oslo: Universitetsforlaget 3. utg., kap. 57-100, ca 44 s.

### ***Organisasjonsteori***

Jacobsen, Dag Ingvar og Thorsvik, Jan. 2002. *Hvordan organisasjoner fungerer. Innføring i organisa-sjon og*

*ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. 2. utg., kap. 1-6. Side 11-227. 217 s.

Jacobsen, Dag Ingvar og Thorsvik, Jan. 2002. *Hvordan organisasjoner fungerer. Arbeidsbok og case---samling*. Bergen: Fagbokforlaget. 2. utg., s. 9-115. 107 s.

### **Politisk analyse**

Østerud, Øyvind. 2002: *Statsvitenskap: innføring i politisk analyse*. Oslo: Universitetsforlaget. 3. utg., kap. 1-5 og 11-28, s. 15-53 og 103-303. 240 s. i alt.

Hobsbawm, Eric. 1994. *Ekstremismens tidsalder - Det 20. århundres historie*. Oslo: Gyldendal. «Århundret: et fugleperspektiv» og kap. 1 «Den totale krigens tidsalder». Side 11-26 og 29-60. 48s.

## **ØKONOMI -15 POENG**

Kurstype: Grunnkurs

Fagansvarleg: Inge Dyrhol, Per Hovden og Odd Staurset

### **MÅL**

Grunnleggjande kunnskap i samfunnsøkonomi, og bruk og utdjuping av denne kunnskapen med sikte på å forstå meir av verkemåten til, utviklingspotensialet for og samspelet mellom regionar, næringsliv og kommunar.

### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Undervisning blir gjennomført med ein dag i veka både haust og vår.

### **INNHALD**

Innføring i samfunnsøkonomi. - Regionaløkonomi. - Næringsøkonomi. -Kommunane sin plass og verkemåte.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

Frå kvart av dei fire emna nemnde under *Innhald*, blir det eit bidrag til vurderingsporteføljen som tel 25% i forhold til den endelege karakteren i modulen. Kvart av bidraga vil få ein bokstavkarakter. Fagansvarleg avgjer om bidraget innan kvart emne skal vere ei 2 timars prøve eller om det skal arbeidast med ei skriftleg oppgåve.

### **AKTUELL LITTERATUR**

Reve, Torger og Erik W. Jakobsen 2001: *Et verdiskapende Noreg*, Universitetsforlaget

Vale, Per Halvor 1990: *Innføring i samfunnsøkonomi*, 4 utg. Tano.

Teigen, Håvard 1999: *Regional økonomi og politikk*, Universitetsforlaget.

Heggemsnes, Nils 1995: *Næringsøkonomi og næringsutvikling*, Vett & Viten AS.

Hagen, Terje P og Rune J. Sørensen 2001: *Kommunal organisering. Effektivitet, styring og demokrat*, Aschehoug.

Artikkelstoff og utdrag av andre bøker og offentleg dokument.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen





- **INSTITUTT FOR PLANLEGGING OG ADMINISTRASJON - VIDAREUTDANNING/MASTERGRADSSTUDIUM**
  - **INNLEIING**
    - **FELLES FOR UTDANNINGANE**
    - **Studiemodell som gjeld frå hausten 2002**
    - **Frittståande vidareutdanningsmodul. Master i samfunnsplanlegging**
    - **RETTLEIING OG UTDANNINGSPLAN**
    - **VURDERING OG EKSAMEN**
    - **STUDIEKVALITET**
    - **AKTUELL LITTERATUR**
  - **VIDAREUTDANNING OG MASTERGRADSSTUDIUM**
  - **LEIARUTDANNING: KOMMUNAL ORGANISERING OG LEIING, 60 poeng**
    - **Målgruppe og opptakskrav**
    - **Innhald og organisering**
    - **Innhald**
    - **Kompetanse**
  - **MASTERGRAD I SAMFUNNSPLANLEGGING, 120 POENG**
    - **Målgruppe og opptakskrav**
    - **Organisering - krav til samansetjing av modular**
    - **Innhald**
    - **Innpassingar**
    - **Modulen Regional planlegging og valfrie modular i mastergraden**
    - **Opptak til Integrasjonsmodul med masteroppgåve**
    - **Karakterutskrift, vitnemål og kursbevis**
    - **Studieavgifter**
    - **Studiestad og samlingar**
    - **Kontaktpersonar for opptak, søknadshandsaming og studierettleiing**
    - **Søknadsrutinar til vidareutdanning og mastergradsstudium**
  - **Vidareutdannings- og mastergradsmodulane i alfabetisk rekkje**
    - **KOMAS Integrasjonsmodulen med masteroppgåve, 30 poeng**
    - **KOKLE Kommunal leiing / Kommunal ledelse / 30 poeng**
    - **KOLSM Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegginga, 30 poeng**
    - **KOLAM Lokal planlegging og Agenda 21, 30 poeng**
    - **KOOLM Offentleg organisering og leiing / Offentlig organisering og ledelse, 30 poeng (10vt)**
    - **KORPM Regional planlegging og utvikling, 30 poeng**

## **INSTITUTT FOR PLANLEGGING OG ADMINISTRASJON - VIDAREUTDANNING/MASTERGRADSSTUDIUM**

### ***Studieprogram - bachelornivå (sjå eige oppslag)***

Årsstudium i samfunnsvitskap. 60 poeng

Toårig høgskulekandidatstudium i offentleg administrasjon. 120 poeng

Treårig bachelorstudium i offentleg administrasjon og samfunns-plan-legging. 180 poeng

### **Studieprogram - masternivå**

Fleire vidareutdanningsmodular, kvar på 30 poeng

Eittårig vidareutdanning i kommunal organisering og leiing. 60 poeng

Toårig mastergradsstudium i samfunnsplanlegging. 120 poeng

### **Studieprogram - dokternivå**

I samarbeid med Møreforskning Volda har instituttet eit eige strategisk forskingsprogram innan kommunikativ planlegging og utvikling. Programmet inneber at stipendiatar og andre deltakarar får høve til å delta på doktorgradskurs ved høgskular og universitet i inn- og utland. På sikt arbeider instituttet med planar om å utvide dette samarbeidet til eit eige doktorgradsprogram innan kommunikativ planlegging og utvikling.

## **INNLEIING**

Instituttet sitt interessefelt er lokalsamfunnsutvikling og tilhøvet lokalsamfunn - region - storsamfunn, og korleis samfunnsutviklinga i ei verd i snøgg endring verkar og kan påverkast.

Samfunnsstyring handlar om å velje og setje i verk avgjerder på vegner av innbyggjarane. God samfunnsstyring vil seie at styresmaktene syter for trivsel og fredelege samfunnstilhøve, sikrar lov og orden, legg til rette for økonomisk vekst og sikrar eit minimum av sosial velferd.

Viktige hjelperåder til dette er at institusjonane i styringssystemet er kjenneteikna av ansvar, innsyn og deltaking. Der må vere integritet i forvaltninga, styrke i lovgjevinga og effektiv gjennomføring av offentleg politikk. Eit fjerde kjenneteikn vil vere demokratisk desentralisering - at styresmaktene legg til rette for at borgarane kan delta og ha innverknad på samfunnsstyringa på fleire nivå, frå det lokale til det nasjonale.

Tilhøvet mellom borgarar og styresmakter, særleg samspelet mellom lokalsamfunn, regionar og storsamfunn er grunnlaget for verksemda ved Institutt for planlegging og administrasjon. Instituttet sine undervisnings- og forskingsemne er styresmaktene og deira arbeids- og styringsinstrument, samfunnsstyringa som utviklar seg i samspelet mellom offentlege institusjonar på alle nivå og samspelet mellom desse og individ og korporasjonar i samfunnet (t.d. verksemder, næringsorganisasjonar, ideelle og friviljuge organisasjonar og anna interesseorganisering).

## **FELLES FOR UTDANNINGANE**

Studieprogramma ved instituttet er modulbaserte og fleksible. Studentane kan velje eittårig, toårig eller treårig grunnutdanning på bachelornivå. Ei toårig grunnutdanning gir rett til tittelen Høgskulekandidat i offentleg administrasjon. Treårig grunnutdanning gir tittelen Bachelor i offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging eller Bachelor i administrasjon og offentleg rett. Bachelorutdanningane har ein tverrfagleg profil med vekt både på fag- og prosesskunnskap.

Høgskulen i Volda har som den einaste høgskulen i landet fått godkjenning frå departementet på eit mastergradsstudium i samfunnsplanlegging, førebels som ei treårig prøveordning. Dette er ei toårig vidareutdanning for søkjarar med minimum treårig utdanning. Mastergraden er både ei toårig yrkesretta vidareutdanning og ei førebuing til doktorgradsstudium.

Bruk av IKT inngår som ein integrert del av undervisninga i stadig fleire av emna våre. Dette er eit område som vi ønskjer å utvikle vidare, ikkje minst for å kunne kome i møte studentar med spesielle behov som gjer ei tilpassing til dei tradisjonelle undervisningsformene vanskeleg, t.d. sjukdom, funksjonshemmingar, arbeidssituasjon e.l. Vi ønskjer å bruke Internett både som eit kommunikasjonsverktøy og som eit problemløysingsverktøy der dette høver. Difor vil vår bruk av IKT vere allsidig gjennom bruk av fleire ulike system, t.d. Classfronter. IKT bruken vil mellom anna ta sikte på å gi studentane innføring og arbeidstrening i system dei vil finne att i ein framtidig jobbsituasjon eller eventuelt som reiskap i framtidig forskning, t.d. SPSS. Sjå elles meir omtale av opplegg for Internett under kvar modul nedanfor.

I figurane 1-5 finn du eit oversyn over grunn-, vidareutdanningane. Dette er samstundes studieløyper som gir graden Master i samfunnsplanlegging. Modular kan også takast som del av andre individuelle utdanningsplanar der dette høver.

Meir informasjon: Sjå heimesida vår <http://www.hivolda.no/asf/avdelingsside>.

## Studiemodell som gjeld frå hausten 2002

**NB! Overgangsordning for År 3** - Faget Samfunnsplanlegging vert flytt frå år 2 til år 3 og vert ikkje undervist hausten 2002. Det tidlegare faget Forvaltningsrett er flytt frå år 3 til år 2 og heiter no: Offentleg rett 1. Søkjarar til år 3 må difor ta kontakt dersom dei manglar faget Samfunnsplanlegging el. tilsvarande.

Semester 1 Haust Semester 2 Vår
Samfunnsgeografi. 15 poeng
Sosiologi. 15 poeng
Statsvitskap og organisasjonsteori. 15 poeng
Økonomi. 15 poeng

**Figur 1: År 1: Årsstudium i samfunnsvitskap**

Semester 3 Haust	Semester 4 Vår
Kommunal økonomi. 15 poeng Også nettbasert	Forvaltningsarbeid. 15 poeng Også nettbasert Alt. studium i utlandet eller andre modular
Offentleg rett 1. 15 poeng Også nettbasert	Prosjektarbeid som praksis/oppgåve. 15 poeng Alt. studium i utlandet eller andre modular

**Figur 2: År 2: Høgskulekandidat i offentlig administrasjon**

Semester 5 Haust	Semester 6 Vår
Samfunnsplanlegging. 15 poeng Ikkje undervisning studieåret 2002/2003, sjå ovanfor om overgangsordning.	Regionalt utviklingsarbeid og endringsleiing. 15 poeng
Ex. phil eller tilsvarande eller stor bacheloroppgåve. 15(+15) poeng	Bacheloroppgåve. 15 poeng

**Figur 3: År 3: Bachelor i offentlig administrasjon og samfunnsplanlegging**

Semester 7 og 9 Haust	Semester 8 og 10 Vår
Offentleg organisering og leiing. 30 poeng * Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning	
Kommunal leiing. 30 poeng * Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning	
Lokal planlegging og Agenda 21. 30 poeng Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning	
Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegginga. 30 poeng Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning	
Kriminalitetsførebygging. 30 poeng Valfri modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning Blitt gitt av Institutt for sosialfag, HVO	
Regional planlegging og utvikling. 30 poeng Obligatorisk modul i mastergraden og sjølvstendig vidareutdanning	
Integrasjonsmodul med masteroppgåve. 30 poeng Avsluttande og obligatorisk modul i mastergraden	

**Figur 5: År 4 og 5:**

## Frittstående vidareutdanningsmodul. Master i samfunnsplanlegging

\* Emna *Offentleg organisering og leiing* og *Kommunal leiing* i figur 5 utgjer Eittårig vidareutdanning i Kommunal organisering og leiing.

### RETTLEIING OG UTDANNINGSPLAN

Ved studiestart skal kvar student få oppnemnt ein utdanningsrettleiar som saman med studenten får ansvaret for ein god kommunikasjon gjennom studiet hans/hennar. Målet er god oppfølging undervegs i studiet. Ein individuell utdanningsplan skal leggjast til grunn for kvar enkelt student sitt studieløp. Utdanningsplanen skal underteiknast både av studenten og instituttet. Studenten skal ta del i utforminga. Dei individuelle utdanningsplanane forpliktar instituttet andsynes studenten, og studenten andsynes instituttet og medstudentane. Planen skal vise korleis instituttet legg til rette for at studenten skal nå eit definert læringsmål på normert tid. Dei individuelle utdanningsplanane bør føreligge så tidleg som råd er i kvart semester, seinast høvesvis 1. oktober og/eller 1. mars. Utdanningsplanen kan justerast kvart semester i samtale med rettleiar. Utdanningsplanen er ikkje ein juridisk bindande kontrakt.

### VURDERING OG EKSAMEN

Studentane blir vurderte kontinuerleg gjennom ein portefølje under gjennomføringa av kvar modul. Vurderingsporteføljen vil variere noko frå modul til modul alt etter modulen sin eigenart og kvar i studiet ein er, men vil stort sett vere samansett av individuelle skriftlege arbeid og gruppevis oppgåver. Det er naturleg at porteføljen vert eit sentralt tema under samtalar med faglærer. I eit kvar modul som har eksamen utan tilsyn (t.d. heimearbeid) kan studentar eller studentgrupper bli valde ut til ein munnleg eller skriftleg eksamen sjølv om dette ikkje er spesifisert under kvar modul. Ein viser elles til eksamensføresegna. I fleire modular kan eksamen også bli gitt som netteksamen. Porteføljen og/eller eksamen skal liggje til grunn for endeleg karaktersetning. Dei fleste formelle vurderingane og karaktersetningane vil bli gjort av faglærarane i kvar enkel modul. Unntaket vil vere i vurderingane av eventuell *gradsoppgåve*: bacheloroppgåve og/eller masteroppgåve. Her vil ein ekstern sensor ha siste ordet i den formelle vurderingane. Ekstern sensur kan også bli brukt ved andre vurderingar som ein lekk i kvalitetssikringa av dei enkelte emna (jf. avsnittet om STUDIEKVALITET nedanfor). Sjå elles meir detaljert informasjon om vurdering og eksamen under omtalen for kvar modul nedanfor. Ein nyttar bokstavkaraktarar på ein skala frå A til F, med A som beste karakter og E som siste karakter for godkjend portefølje/eksamen. Karakteren F tyder såleis *ikkje* godkjend portefølje/eksamen. Ved ein skilde innleveringsoppgåver i porteføljen kan det bli nytta karakteren stått / ikkje stått. Ved stryk eller sjukmelding vil studentane ha høve til kontinuering i samsvar med høgskulen sine føresegner for eksamen og vurdering. Like eins vil det gå fram av dei same føresegnene kva rettar studentane har ved eventuelle klager på vurderingane og kva fristar og prosedyrar som då vil gjelde.

### STUDIEKVALITET

Instituttet ønskjer å sikre studiekvaliteten gjennom eit mangfald av kartleggingsmetodar, god kommunikasjon og oppfølging av avdekte behov for endring undervegs i studiet. Dette vil ein sikre gjennom at kvart studentkull ved instituttet skal ha eit fagutval saman med fagansvarlege i samarbeid med instituttleiar. Fagutvalet skal vere samansett av tillitsvald, varatillitsvald, fagansvarleg og kullkontakten / instituttkonsulenten. Det skal haldast to møte kvart semester i fagutvala. Det kan vurderast om eine møtet skal vere ope for alle studentane. Fagutvala skal vere ein arena der utveksling av faglege røynsler og synspunkt skal medverke til ei konstruktiv utvikling av læringsmiljøet og betring av studietilbodet gjennom å sikre kvaliteten på undervisninga og praksistilboda. Fagutvala skal m.a. drøfte gjennomføringa av studieprogrammet og fagmiljøet sine prioriteringar i forhold til studieprogrammet, t.d. mål, innhald, arbeidsmåtar, organisering, praksis, vurdering, lister over aktuell litteratur, trivnadsfaktorar o.l. Like eins kan ein i fagutvala ta opp og diskutere synspunkt på variasjonen i undervisningsformer og studentane sitt tilhøve til studieprogrammet, t.d. personleg haldning og engasjement, kollokviegrupper, sjølvstudium, Internettbruk o.l. Form, mengde og tidspunkt i progresjonen kan vere andre aktuelle tema for fagutvala.

For å nå målsettingane i arbeidet for betre studiekvalitet, vil instituttet m.a. kunne bruke følgjande tiltak som grunnlag for arbeidet i fagutvala:

- skriftlege, anonyme studentevalueringar
- ulike innføringskurs ved studiestart

- studentaktive undervisningsformer
- personlege utdanningsrettileiarar
- fagleg rettleidde prosessar under oppgåveskriving
- oppsummeringssamlingar, t.d. som eksamensførebuing
- mangfaldige undervisningsformer/nettbasert undervisning
- varierte vurderingsformer/porteføljevurdering i ein prosess
- ekskursjonar og studieturar
- faste møte i studiekvalitetsutvalet

Instituttet vil sjå til at fagutvala vert valde og konstituerte innan 2 veker etter studiestart. Arbeidet i fagutvala skal innrapporterast til avdelingsutvalet for studiekvalitet ved slutten av kvart semester.

Som ein lekk i sikringa av studiekvaliteten, kan ein frå tid til anna sende vurderingsporteføljen i dei ulike emna som har intern sensor, til ekstern vurdering.

I tillegg kan enkelte undervisningsopplegg og vurderingsopplegg for einskilte modular bli utsende til andre tilsvarende læringsmiljø til ekstern vurdering og tilbakemelding. Begge desse tiltaka vil eventuelt sikre nyttige korreksjonar og gi verdfulle innspel til vidare utvikling av programma ved instituttet.

## **AKTUELL LITTERATUR**

Vi viser til omtalen av dei ulike emna, der aktuell litteratur er ført opp. Endeleg oversyn over aktuell litteratur vil bli utlevert ved semesterstart. Endeleg pensum blir sett i god tid før eksamen. Kompendium og artikkelsamlingar kan kjøpast på høgskulen sin kopisentral. Generelt vil ein nytte siste utgåve av lærebøker. Endringar i studieplanen vert kunngjort.

## **VIDAREUTDANNING OG MASTERGRADSSTUDIUM**

Modular, kvar på 30 studiepoeng, tilrettelagt for deltids- og heiltidsstudentar

Høgskulen i Volda tilbyr fleire modular som vidareutdanning. Dei kan takast kvar for seg og kan setjast saman til eittårige vidareutdanningar og til eit toårig mastergradsstudium i samfunnsplanlegging. Undervisninga er organisert slik at modulane eignar seg både for heiltidsstudentar og deltidsstudentar. Kvar modul har fem-seks vekesamlingar à 4 el. 5 dagar og med høve til rettleiing mellom samlingane.

### ***Høgskulen tilbyr desse valfrie modulane:***

Ved Institutt for planlegging og administrasjon:

- Kommunal leiing (KOKLM),
- Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegginga (KOLSM).
- Lokal planlegging og Agenda 21 (KOLAM),
- Offentleg organisering og leiing (KOOLM)
- Regional planlegging og utvikling (KORPM)

Ved andre institutt:

- Kriminalitetsførebygging (SOKRM) - Institutt for sosialfag

Erfaringa viser at det å ta ein modul i året let seg kombinere ved sida av jobb dersom ein får fri dei vekene det er samlingar og fri i samband med eksamen. Ved å ta ein modul i året, kan ein oppnå mastergraden på fire år. To modular for året vert rekna som fulltidsstudium.

Det blir lagt vekt på å øve studentane i skriftleg og munnleg kommunikasjon. Studentane skal svare på fleire mindre prøver i form av essay/heimeoppgåver i løpet av studiet. Essaya blir kommenterte og vurderte av faglærarane. Vidare skal studentane legge fram delar av pensumet for medstudentar.

## **LEIARUTDANNING: KOMMUNAL ORGANISERING OG LEIING, 60 POENG**

### **Målgruppe og opptakskrav**

Denne vidareutdanninga er ein del av høgskulen si satsing på leiarutdanning. Ho er aktuell for leiarar som ynskjer ei personleg vidareutvikling og personar som vil kvalifisere seg for leiarstillingar i offentleg verksemd. Eitt år fulltidsstudium, men kan også takast over to år.

## Innhald og organisering

Utdanninga er sett saman av modulane Offentleg organisering og leiing (KOOLE/KOOLM) og Kommunal leiing (KOKLE/KOKLM) og utgjer til saman 60 poeng (figur 5). Ved opptaket blir det lagt vekt på å setje saman ei gruppe studentar med variert utdanning og praksis. Av erfaring veit vi at dette gir eit spennande læringsmiljø. Modulen Offentleg organisering og leiing er planlagt å kunne vere felles for fleire eittårige vidareutdanningar i leiing (helse- og sosial, kyrkje og skule).

**Figur 5: Kommunal organisering og leiing. Kan utgjere første året av Master i samfunnsplanlegging.**

Semester 7 Haust	Semester 8 Vår
Offentleg organisering og leiing, 30 poeng. Valfritt i mastergraden	
Kommunal leiing, 30 poeng. Valfritt i mastergraden	

## Innhald

Sjå under kvar modul, som fylgjer i alfabetisk rekkje.

## Kompetanse

Vidareutdanninga gir deltakarane eit høgt fagleg kunnskapsnivå i kommunal organisering og leiing og kompetanse til å arbeide med mellommenneskeleg problem i kommunale leiarstillingar. For dei som ønskjer å studere vidare, gir utdanninga mellom anna høve til å:

- søke om opptak/innpassing til mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging
- søke om opptak/innpassing til høgare grad studiar (hovudfags- og til masterstudium) ved andre høgskular og universitet i inn- og utland
- ta praktisk pedagogisk utdanning og bli kvalifisert for tilsetjing i skuleverket.

## MASTERGRAD I SAMFUNNSPLANLEGGING, 120 POENG

Høgskulen i Volda skipa alt i 1999, som den einaste høgskulen i landet, eit mastergradstudium i samfunnsplanlegging, som ei treårig prøveordning.

## Målgruppe og opptakskrav

Dette er ei yrkesretta utdanning for den som ynskjer eit djupare teoretisk fundament og ei meir kritisk forståing av metodar for utøving av plan- og utviklingsarbeid i samfunn og organisasjonar. Studiet kan takast på heiltid eller deltid.

## Organisering - krav til samansetjing av modular

Studiet er samansett av fire modular. To er obligatoriske og to er valfrie. Studentar med minst fire års studium frå høgskule/universitet (til dømes cand.mag.-grad, sivilstudium eller hovudfagsstudium) får fritak for ein eller begge dei valfrie modulane. Dei obligatoriske modulane skal til saman gi eit kjernepensum i samfunnsplanlegging med vekt på lokalt, kommunalt og regionalt plan- og utviklingsarbeid.

## Innhald

Sjå under kvar modul, som fylgjer i alfabetisk rekkje.

**Obligatoriske modular:** Regional planlegging og utvikling (KORPM) og Integrasjonsmodul med mastergradsoppgåve (KOMAS).

**Valfrie modular:** Det er høve til å velje dei valfrie modulane frå ein meny av førehandsgodkjende modular, eller å søke om å få godkjent andre modular frå høgskular og universitet i inn- og utland. Modular i graden må vere på minst 30 poeng og vere på mastergradsnivå. Høgskulane kan setje sperre mot einskilte modular med fagleg overlapping. Tilbodet av modular vil kunne variere frå år til år. Aktuelle sidestilte valfrie modular ved Høgskulen i Volda er: Offentleg organisering og leiing (KOOLM), Kommunal leiing (KOKLM), Lokal planlegging og Agenda 21 (KOLAM), Kriminalitetsførebygging (SOKRM), Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegginga (KOLSM).

## Innpassingar

### ***Innpassing av tidlegare ti-vektttalseiningar frå Høgskulen i Volda:***

Tidlegare studentar ved HVO som har fullført ti-vektttalseiningar som no blir oppgraderte til mastergradsnivå, kan få innpassa desse i den eittårig vidareutdanninga eller mastegradsstudiet ovanfor. Føresetnaden er at studentane får godkjent ei heimeoppgåve basert på eit nærare definert pensum for kvar av einingane som blir søkt innpassa. Dette gjeld einingane Regional planlegging utvikling, Regioplan Nordvest, Leing for offentleg tilsetje (LOT), Offentleg organisering og leing og Helse- og sosialadministrasjon.

### ***Innpassing av andre ti-vektttalseiningar***

Når det gjeld tidlegare gjennomførte ti-vektttalseiningar frå andre høgskular og universitet, kan studentane søke om å få desse innpassa. Vi krev då at studentane legg fram dokumentasjon frå den aktuelle institusjonen om det faglege innhaldet slik at HVO kan vurdere innpassing av einingane i cand.mag.- graden eller eventuelt i mastergraden i samfunnsplanlegging.

## **Modulen Regional planlegging og valfrie modular i mastergraden**

For opptak til dei mastergradsmodulane som blir gitt av Høgskulen i Volda, blir det skilt mellom tre opptaksgrupper:

### ***Opptaksgruppe 1 - treårig relevant utdanning i samfunnsplanlegging***

Opptakskravet her er minimum tre år høgare utdanning i samfunnsplanlegging med 60 vektal utan overlapping. Døme på slike utdanningar er:

Høgskulekandidat i samfunnsplanlegging (toårig) med eitt år høgare utdanning i tillegg. Treårig kommunal-kandidatutdanning frå høgskulane i Volda, Oslo, Bodø og Nord-Trøndelag. Høgskulekandidat frå treårig studium i landbruksøkonomi og bygdeutvikling, HiNT. Høgskulekandidat frå treårig studium i samfunnsfag med personalleing, HiS.

### ***Opptaksgruppe 2 - anna relevant treårig utdanning og minst to år relevant praksis***

Opptakskravet her er minimum tre år anna høgare utdanning med 60 vektal utan overlapping og minst to år relevant praksis frå samfunnsplanlegging. Til innhaldet i utdanninga blir det kravd at minst 40 av vektala er ein kombinasjon av relevante fag for samfunnsplanlegging som stats- og kommunalkunnskap, økonomi, sosiologi, psykologi, pedagogikk, juridiske fag, sosialt arbeid o.l. Døme på aktuelle utdanningar i denne gruppa er sosionomar, barnevernspedagogar og vernepleiarar. Døme på relevant praksis er toppleiar (t.d. rådmann) og leiar for ein sektor, stab eller institusjon i offentleg verksemd. Andre døme er planleggar, næringskonsulent og liknande med ansvar for plan- og utviklingsarbeid i lokalsamfunn, kommunar, regionar m.m.

### ***Opptaksgruppe 3 - anna treårig utdanning og minst fire år relevant praksis***

Opptakskravet her er minimum tre år høgare utdanning med 60 vektal utan overlapping og minst fire år relevant praksis frå samfunnsplanlegging. Lang og allsidig praksis frå offentleg, privat eller frivillig sektor kan kompensere for lite relevant praksis. Desse søkarane må gjennom grunnutdanning, tilleggsutdanning, yrkeserfaring, m.m. dokumentere studiekompetanse som trengst for å gjennomføre modulane. I spesielle tilfelle kan søkarane bli pålagde å gjennomføre individuelle studieplanar der det inngår kurs av meir grunnleggande karakter. Døme på aktuelle utdanningar i denne gruppa er lærarutdanning, førskulelærarutdanning, sjukepleiarutdanning og ingeniørutdanning. Døme på relevant praksis er toppleiar (t.d. rådmann) og leiar for ein sektor, stab eller institusjon i offentleg verksemd. Andre døme er planleggar, næringskonsulent og liknande med ansvar for plan- og utviklingsarbeid i lokalsamfunn, kommunar, regionar m.m.

Ved prioritering mellom opptaksgruppene 1, 2 og 3 vil det bli lagt vekt på setje saman kull med studentar frå ulike grunnutdanningar og studentar med og utan praksis. Ved prioritering av søkarane i opptaksgruppe 1 vil det bli lagt hovudvekt på oppnådde karakterar i grunnutdanninga. Dersom søkarar i denne gruppa står om lag likt med omsyn til utdanning og karakter, vil dei med relevant praksis bli prioritert framføre dei utan praksis. Ved prioritering av søkarane i opptaksgruppene 2 og 3 blir det lagt avgjerande vekt på praksisen si lengde, breidde og relevans.

Søkjarar som ikkje tilfredsstillir krava til praksis for opptaksgruppe 2 og 3 kan takast opp som vidareutdanningsstudentar på Fellesmodulen i samfunnsplanlegging og dei valfrie modulane dersom det er ledige studieplassar. Ved opptak til den avsluttande Integrasjonsmodulen med masteroppgåve, vil dei aktuelle modulane som blei fullførte før studentane hadde nok praksis, bli godkjente som modular i mastegradsstudiet når krava til praksis er tilfredsstillt.

## **Opptak til Integrasjonsmodul med masteroppgåve**

Søkarane må ha minimum 60 vektal grunnutdanning og tre godkjende 10-vektalsmodular på mastergradsnivå, eller

berre to dersom den tredje modulen blir teke saman med Integrasjonsmodulen med masteroppgåve. Ein av desse tre modulane må vere den obligatoriske modulen Regional planlegging og utvikling. Søkarar som er cand. mag. eller har utdanning ut over fire år (80 vektal eller meir), kan få fritak for ein valfri modul og treng difor berre to godkjende tipoengsmodular på mastergradsnivå for å søke den avsluttande modulen, eller berre ein dersom den andre modulen blir teke saman med Integrasjonsmodulen med masteroppgåve. Ein av desse to modulane må vere den obligatoriske Regional planlegging og utvikling.

Opptaket til den avsluttande Integrasjonsmodulen med masteroppgåve skjer på grunnlag av karakterane som er oppnådde i dei andre mastergradsmodulane som inngår i graden. Søkarane vil bli prioriterte etter oppnådd gjennomsnittskarakter for dei gjennomførte modulane som inngår i søkarane sine mastergradsstudium. Oppnådd gjennomsnittskarakter på desse modulane må vere minst 2,7 for å bli vurdert som søkar til den avsluttande integrasjonsmodulen med masteroppgåve. Vidare må søkarar frå opptaksgruppene 2 og 3 ovafor dokumentere at dei oppfyller krava til praksis, og alle søkarane må dokumentere at dei har grunnleggande kunnskap i vitskapsteori og forskingsmetode.

Talet på studentar vil bli avgrensa til 10 for kvart studieår.

### **Karakterutskrift, vitnemål og kursbevis**

30-poengsmodulane som utgjer mastergraden i samfunnsplanlegging kan gjennomførast uavhengig av sjølve graden. Dei er frittstående og avsluttande studietilbod, unnateke Integrasjonsmodulen med masteroppgåve. Studentane får karakterutskrift for kvar gjennomført og stått modul. For dei som har fullført mastergraden vil det bli utskrive eit eige vitnemål som gir rett til å bruke nemninga Mastergrad i samfunnsplanlegging.

### **Studieavgifter**

Dei 30-poengsmodulane som blir gitt av Høgskulen i Volda er utan studieavgift dersom ikkje anna er fastsett. Studentane må betale vanleg semesteravgift m.m. til høgskulen og studentsamskipnaden.

### **Stadiestad og samlingar**

Dei 30-poengsmodulane som blir gitt av Høgskulen i Volda, har Volda som studiestad dersom ikkje anna vert fastsett. Undervisninga på kvar modul er normalt organisert slik at ho går over to semester og med fem veke-samlingar. Når det er samlingar i Volda, vil Studentsamskipnaden for Sunnmøre normalt kunne tilby studenthyblar.

### **Kontaktpersonar for opptak, søknadshandsaming og studierettleiing**

Informasjon om studiet kan du finne på Høgskulen sine heimesider, eller du kan vende deg til Høgskulen i Volda ved Studieadministrasjonen, instituttleiar eller fagansvarleg.

### **Søknadsrutinar til vidareutdanning og mastergradsstudium**

Søknad om opptak skal sendast til den høgskulen som gjennomfører dei aktuelle modulane. Studieadministrasjonen ved den einskilde høgskulen er ansvarleg for handsaminga av søknadene. Ved Høgskulen i Volda er søknadsfristen er 15. april. For dei som søker om førehandsopptak eller opptak på særskilt grunnlag, er søknadsfristen 1. mars. Dersom det er ledige plassar vil ein kunne handsame søknader heilt fram til studiestart.

## **VIDAREUTDANNINGS- OG MASTERGRADSMODULANE I ALFABETISK REKKJE**

### **KOMAS Integrasjonsmodulen med masteroppgåve, 30 poeng**

Kurstype: Avsluttande modul i mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging

Forkunnskap: Grunnleggjande kunnskap i forskingsmetode

Opptakskrav Særskilde opptakskrav, sjå den generelle omtalen av mastergradsstudiet ovanfor.

Tidsrom: Fem vekesamlingar fordelt på heile studieåret

Evaluering: Evaluering av innlevert masteroppgåve. Munnleg forsvar av oppgåva og eksaminasjon imetodepensum

Fristar: Frist for innlevering av masteroppgåve: 22.mai

Fagansvarleg: Jon Olav Myklebust, som også er rettleiar saman med J. Amdam, R. Amdam og evt. andre.

### **Læringsmål**

Målet med *Integrasjonsmodulen med masteroppgåve* er å gi studentane teoretisk og metodisk innsikt i forskings- og utgreiingsarbeid som grunnlag for utarbeiding av masteroppgåva.



## **Undervisning**

Undervisninga er lagt opp med fem vekesamlingar fordelt på heile studieåret. Undervisningsopplegget er ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid, presentasjon og drøfting av pensum.

I samråd med dei fagansvarlege skal studentane velje tema for ei masteroppgåve. Oppgåva skal vere eit skriftleg arbeid som drøftar ei avgrensa problemstilling. Studentane kan gjerne ta utgangspunkt i problemstillingar frå eigen praksis og drøfte dei i lys av teoriar, modellar og aktuell forskning. Arbeidet med oppgåva vert tillagt stor vekt i læringsprosessen, og det blir derfor avsett tid på kvar samling til å drøfte tema, problemstillingar og metodiske tilnærmingar. På den siste samlinga skal kvar student gi ein omfattande presentasjon av eiga oppgåve.

Som hovudregel skal dette vere ei individuell oppgåve. Kvar student får oppnemnt ein rettleiar som skal bruke inntil 30 timar til oppgåvelesing og individuell rettleiing. Framstillinga skal vere i samsvar med reglar og retningslinjer for vitenskapleg forfattarskap og rapportering. Studenten skal forsvare oppgåva til munnleg eksamen etter at det skriftlege arbeidet er evaluert.

Oppgåvearbeidet strekkjer seg over heile studieåret og blir knytt til samlinga på denne måten:

Samling 1, veke 36: Val av tema

Samling 2, veke 43: Val av problemstilling og utkast til prosjektdesign

Samling 3, veke 50: Innsamling og vurdering av data. Disposisjon med utfyllande kommentarar

Samling 4, veke 7: Første utkast til masteroppgåve

Samling 5, veke 15: Framlegging/presentasjon av masteroppgåva

## **Krav om forkunnskap**

Studentane må ha grunnleggjande kunnskap om forskingsmetode tilsvarande eit pensum som blir dekt i ei av desse bøkene:

Hellevik, O. (siste utgåve): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*.

Oslo: Universitetsforlaget.

Ringdal, K. (2001): *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

## **Innhald og pensum**

Kvar student skal leggje opp eit pensum på minst 2000 sider. Av dette er 1000 sider sams for alle som deltek på kurset. Resten er tilpassa tema for masteroppgåva og skal godkjennast av rettleiar. Fellespensumet dekkjer grunnlagsproblematikk i samfunnsvitenskapane, prosjekt-design, ulike metodiske tilnærmingar og rapportskriving

## **Evaluering**

Oppgåva får eigen karakter som kan bli justert etter munnleg. Ved munnleg eksamen må studentane forsvare oppgåva og svare på spørsmål frå metodepensum. Oppgåva tel 2/3 og munnleg 1/3 når den endelege karakteren for modulen skal fastsetjast.

## **Pensum**

*Fellespensum for integrasjonsmodulen 2002/2003.*

Pensum merka med \* er samla i eit eige kompendium.

*Metodologisk refleksjon:*

Brox, O. (1995): *Praktisk samfunnsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kapittel 1- 7. 130 s.

\*Turner, J.H (1992): *Positivism*. I: Borgatta, E.F. og Borgatta, M.L.(eds.):

*Encyclopedia of Sociology*. New York: Macmillian. 3 s.

\*Billings, D.B. (1992): *Critical Theory*. I: Borgatta, E.F. og Borgatta, M.L. (eds.):

*Encyclopedia of Sociology*. New York: Macmillian. 6 s.

\*Brannigan, A. (1992): *Postmodernism*. I: Borgatta, E.F. og Borgatta, M.L. (eds.):

*Encyclopedia of Sociology*. New York: Macmillian. 4 s.

\*Cohen, B.P. (1992): *Paradigms and Models*. I: Borgatta, E.F. og

Borgatta, M.L. (eds.): *Encyclopedia of Sociology*. New York: Macmillian 9 s.

\*Stake, R. (2000): Case Studies. I: Denzin, N.K. og Lincoln, Y.S (eds.): *Handbook of Qualitative Research*. London: Sage. 20 s.

Kalleberg, R. (1996): Forskningsopplegget og samfunnsforskningens

dobbeltdialog. I: Holter, H. og Kalleberg, R.: *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget. 46 s.

Grønmo, S. (1996): Forholdet mellom kvantitative og kvalitative tilnærminger

i samfunnsforskningen. I: Holter, H. og Kalleberg, R.: *Kvalitative*

*metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget. 26 s.

*Bruk av skriftlege kjelder:*

Kjeldstadli, K. (1997): Å analysere skriftlige kilder. I: Fossåskåret, E.,

Fuglestad, O.L. og Aase, T.H.: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget. 30 s.

*Eit forskningsprosjekt som undervisningskasus:*

\*Kvalsund, R. og Myklebust, J.O. (1996): Nedst ved bordet? Vidaregåande opplæring på særskilde vilkår under Reform 94. I: Blichfeldt et al.:

*Utdanning for alle. Evaluering av reform 94*. Oslo: Tano Aschehoug. 28 s.

*Kvalitative tilnærmingar:*

\*Angrosino, M.V. og Mays de Pérez, K.A. (2000): Rethinking Observation. From Method to Context. I: Denzin, N.K. og Lincoln, Y.S (eds.):

*Handbook of Qualitative Research*. London: Sage. 30 s.

Kvale, S. (1998): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo:

Ad Notam Gyldendal 235 s

Solberg, A. (1996): Erfaringer fra feltarbeid. I: Holter, H. og Kalleberg, R.:

*Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget. 14 s.

Paulgaard, G. (1997): Feltarbeid i egen kultur - innenfra, utenfra eller begge

delar? I: Fossåskåret, E., Fuglestad, O.L. og Aase, T.H.: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*.

Oslo: Universitetsforlaget. 24 s.

Måseide, P. (1997): Feltarbeid i organisasjonar. Sjukehuset som arena

for sosiologisk forskning. I: Fossåskåret, E., Fuglestad, O.L. og Aase, T.H.:

*Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*.

Oslo: Universitetsforlaget. 23 s.

*Kvantitativ analyse:*

Brox, O. (1995): *Praktisk samfunnsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kapittel 8. 16 s.

\*Menard, S. (1991): *Longitudinal Research*. (Quantitative Applications in the Social Sciences.) London: Sage. 80 s.

\*Gayle, V. (2000): Quantitative Data Analysis. I: Burton, D. (ed.): *Research*

*Training for Social Scientists*. London: Sage. 60 s.

*Etisk refleksjon:*

Fossåskåret, E. (1997): Har kunnskap sin eigen rett? Ethiske utfordringar ved å distansere seg frå det nære. I: Fossåskåret, E., Fuglestad, O.L.

og Aase, T.H.: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget. 17 s.

*Skriving og rapportering:*

Brox, O. (1995): *Praktisk samfunnsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kapittel 9 og 10. 40 s.

Dysthe, O., Hertzberg, F. og Hoel, T.L. (2000): *Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning*. Oslo: Abstrakt forlag. 223 s.

Fuglestad, O.L. (1997): *Skriveprosessen i kvalitativ forskning*. I: Fossåskåret, E.,

Fuglestad, O.L. og Aase, T.H.: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget. 20 s.

\*Richardson, L. (1994): *Writing. A Method of Inquiry*. I: Denzin, N.K.

og Lincoln, Y.S (eds.): *Handbook of Qualitative Research*. London: Sage. 16 s.

## **KOKLE Kommunal leing / Kommunal ledelse / 30 poeng**

Kurstype: Vidareutdanning.

Obligatorisk på Eittårig vidareutdanning i kommunal organisering og leing.

Valfri modul i det toårige mastergrads-studiet i samfunnsplanlegging.

Opptakskrav: Grunnlaget for opptak er tre år høgare utdanning. Opptakskrava er nærare

spesifisert i studieplanen for mastergraden i samfunnsplanlegging.

Målgruppe: Studentar med treårig profesjonsutdanning eller anna høgare utdanning. Leiarar, mellomleiarar og andre med ansvar for organisasjonsutvikling i offentleg eller privat verksemd, inkludert frivillig sektor.

Studenttal Talet på studentar er avgrensa til 25.

Fagansvarlege: Roar Amdam, Inge Dyrhol, Klaus Egge (koordinator), Bernt Olav Øvregaard

### **Mål**

Kurset tek sikte på å kombinere teori og empiri om kommunal organisering og leing med studentane sine eigne erfaringar med sikte på kvalifisering som leiarar. Studentane skal gjennom studiet utvikle: Kritisk forståing av korleis kommunal verksemd er organisert og verkar. Kritisk forståing av korleis teori og modellar om organisering og leing kan nyttast som verkty for å oppnå målretta utvikling. Praktisk og fagleg godt fundert handlingskompetanse. Evne til sjølvstendig refleksjon og læring.

### **Organisering og arbeidsmåtar**

Undervisninga er lagt til fem vekesamlingar fordelt utover studieåret:

Samling 1: veke 40 Modul: KL 5

Samling 2: veke 46 Modul: KL 1

Samling 3: veke 3 Modul: KL 2

Samling 4: veke 9 Modul: KL 3

Samling 5: veke 13 Modul: KL 4

Det er ein føresetnad at deltakarane driv sjølvstudium mellom samlingane. Dersom undervisninga på vekesamlingane blir konsentrerte til fire dagar, er den femte dagen å rekne som studiedag.

Førelesingar og seminar. På seminar vert det m.a. arbeidd med studentane sine skriftlege arbeid. Studentane får tilbod om å skrive tre heimeoppgåver som faglærar kommenterer.

Studentane skal skrive 2 heimeoppgåver, kvar på 10-12 sider (ca 5000 ord), som skal telje som eksamensoppgåver. Fristar for levering av utkast til framlegging på seminar vert sett ved semesterstart. Fristar for innlevering av ferdige heimeoppgåver: 1. februar og 1. juni.

### **Vurdering og eksamen**

Det vert sett ein samla karakter for dei 2 heimeoppgåvene. Ein viser elles til eksamensreglementet.

Modulen kan mellom anna nyttast i studieløyper fram mot cand.mag.-graden, eittårig vidareutdanning i kommunal

organisering og leing, og mastergraden i samfunnsplanlegging. For den som har fullført både Offentleg organisering og leing og Kommunal leing, blir det skrive samla karakterutskrift for Eittårig vidareutdanning i kommunal organisering og leing.

### **Innhald**

Kurset er retta mot organisering og leing i kommunar, i eit internasjonalt perspektiv. Det vert lagt vekt på dei utfordringane kommunane står overfor når det gjeld rolleutforming i høve til innbyggjarane og til privat og frivillig sektor og spenningane mellom lokalt representativt demokrati og krava om effektiv offentlig forvaltning.

#### **KL 1 Kommunal struktur og funksjon**

Ein vil sjå på norske kommunar sin struktur og funksjon i lys av

- ei prinsipiell grunngjeving for offentlig sektor, perspektiv på makt og velferd
- funksjonsdeling mellom stat og kommune
- lokalstyre i andre land.

#### **KL 2 Endringsprosessar i offentlig sektor**

Formålet med denne samlinga er å drøfte endringsprosessar i offentlig sektor, og gå inn på tenkjemåten bak ymse organisasjonsformer. Ein vil arbeide med perspektiv på norsk lokalpolitikk og lokal organisering, m.a. vilkåra for det representative demokratiet og vilkåra for leing, både på nasjonalplanet og lokalt. Kva slag framtid(er), kva slag organisasjonskultur(ar) skal ein ynskje eller førebu seg på?

New Public Management - Internasjonalisering - EU/EØS og lokalforvaltninga - Kvar går norsk lokalstyre?

#### **KL 3 Den effektive kommunen**

På denne samlinga vil ein skape medvit om at effektivitet er eit mangetydig og kontro--versielt omgrep og at kommunal tenesteyting skal oppfylle mange og til dels motstridande mål som stiller store og ulike krav til god styring.

- Demokrati, likskap og effektivitet - Effektivitet i kommunal tenesteyting - Implementering og effektivitet - Samverknad mellom styringsreiskapar.

#### **KL 4 Forvaltningsprosessen - om rettsmidlar og om vedtak som er ugyldige**

Samlinga tar sikte på fordjuping i læra om rettsmidlar i forvaltningsprosessen og om ugyldige vedtak. Det vil bli gått grundig gjennom handsaming av klage på enkeltvedtak og omgjering av enkeltvedtak etter forvaltningslova kap VI. Dette inneber å knyte samanhengar til sakshandsamingsreglar etter forvaltningslova, offentleglova og kommunelova m.m. Ein vil gå grundig gjennom grunnar til og følgjer av ugyldige vedtak, dessutan reglane om dekking av sakskostnader, og kontrollen med forvaltningsvedtak.

- Klageprosessen - Dekning av sakskostnader - Ombodsmannskontrollen - Domstolskontrollen

#### **KL 5 Leiarskap for endring**

Kva er leiarskap? Eit brennpunkt for alle dei uløyste problema, motsetningane og diffuse oppfatningane som kjenne-teiknar livet i organisasjonar? Ei instrumentell og kontrollerande kraft? Samlinga tek sikte på å gje kunnskap om korleis leing kan gå føre seg, og gje impulsar til sjølvforståing i eiga leing. I samband med samlinga vert det skipa til ein konferanse med to hovudtema: Endring og motstand i offentlege organisasjonar; Leing i offentlig sektor.

### **Pensum**

#### **KL 1 Kommunal struktur og funksjon**

Akizuki, Kengo. "Intergovernmental Relationships and Local Government Reform in Japan: A Case of the Integrative System", s. 26-45 i Amnå, Erik og Montin, Stig (eds.). 2000. *Towards a new concept of local self-government?* Bergen. Fagbokforlaget. 20 s.

Hansen, J.C. 1997. «Municipal reform: A prerequisite for local development?», Kap. 5, s.76-99 i Byron, Reginald et. al. (eds): *Sustainable Development on the North Atlantic Margin*. Aldershot: Ashgate. 24 s.

Kap. 1. *An economic approach to federalism* (s.3-20)

Kap. 2. *The division of functions among levels of government* (s. 31-53)

Lidström, Anders. 1996. *Kommunsystem i Europa*. Stockholm. Publica - Norstedts Juridik AB. Kap. 8. "Kommunsystemens variationer". S. 149-189. 40 s.

NOU 2000: 22. *Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune (Wilhelmsenutv.)*. Kap. 18

"Oppgavefordelingen i de nordiske land". Oslo: Kommunal- og regionaldep. 30 s.

- Oates, W. E. 1993. *Fiscal federalism*. Kap. 1 og 2 utan appendiks, 2. utg. Aldershot. 41 s.
- Pierre, Jon and Peters, B. Guy. 2000. *Governance, Politics and the State*. London. MacMillan Press - Political Analysis. 209 s.
- Rommetvedt, Hilmar. 2002. *Politikkens allmenngjøring og den ny-pluralistiske parlamentarismen*. Bergen. Fagbokforlaget. 122 s.
- Sandmo, Agnar. 1983. «Byråkrati og marked i økonomisk teoretisk belysning». Kap. 13 i Sandmo, A.: *Effektivitet og rettferdighet*. Oslo: Universitetsforlaget. 11 s.
- Tiebout, Charles M. 1956. «A pure theory of local expenditures», *Journal of political economy*, vol. 64. Chicago: The University of Chicago Press. 9s.
- Østre, Stein. «Funksjonsfordelingen». Kap.3 i Østre, S. 1993. *Kommunaløkonomiske prinsipper*. Oslo. Bedrifts--økonomens forlag, side 40-61, 22 s.

#### *KL 2 Endringsprosesser i offentlig sektor*

- Baldersheim, Harald og Rose, Lawrence E. (red.). 2000. Det kommunale laboratorium. Teoretiske perspektiver på lokal politikk og organisering. Bergen. Fagbokforlaget. 265s.
- Offerdal, Audun og Aars, Jacob (red.). 2000. Lokaldemokratiet - Status og utfordringer. Aktuelle forskningsbidrag. Oslo. Kommuneforlaget. 206 s.
- Baldersheim, Harald. 1998. "Slik blir fylkeskommunen fornyet: Fylkeskommunen i 'Regionenes Europa'", kap. 9 (s.247-258. 12 s.) i Baldersheim, Harald (red.). 1998. Kan fylkeskommunen fornyast? Oslo: Samlaget.
- Klausen, Kurt Klaudi og Ståhlberg, Krister "New Public Management", kap. 1 (s. 9-31. 23 s.) i Klausen, Kurt Klaudi og Ståhlberg, Krister . 1998. New Public Management i Norden. Odense. Odense universitetsforlag.
- Scharpf, Fritz. 1999. «Legitimacy in the Multi-Actor European Polity», kap. 12 (s261-288. 28 s.) i Egeberg, Morten and Lægreid, Per (eds.).1999. Organizing Political Institutions. Oslo: Scandinavian University Press.
- Schmitter, Philippe C. 1999. «Reflections on the Impact of the European Union upon "Domestic" Democracy in its Member States», kap. 13 (s.289-298. 10 s.) i Egeberg, Morten and Lægreid, Per (eds.), d.o.

#### *KL 3 Den effektive kommunen*

- Sørensen, Rune J., Lars-Erik Borge og Terje P. Hagen. 1999: *Effektivitet i offentlig tjenesteyting*. Bergen: Fagbokforlaget. 153 sider
- Winter, Søren. 1994. *Implementering og effektivitet*. Århus. (Unnateke kap. 7) Systime. 163 sider.
- Simons, Robert 1995: *Levers of Control*. (Unnateke kap. 6). Harvard Business School Press, 184 sider.

#### *KL 4 Forvaltningsprosessen*

Kopisamling (kompendium) med:

- Eckhoff, Torstein og Smith, Eivind. 1997. *Forvaltningsrett*. Oslo. 6.utg. (ISBN 82-518-3522-4). Kap 27, 30-31 og 33-35 (side 537-541, 569-604 og 612-659). 86 sider.
- Woxholth, Geir. 1999. *Forvaltningsloven med kommentarer*. Bergen. 3. utg. (ISBN 82-417-1006-2). §§ 28-35 (side 368-453) 85 sider.

#### *KL 5 Leiarskap for endring*

Strand, Torodd. 2001. *Ledelse, organisasjon og kultur*. Bergen. Fagbokforlaget. 558 s.

### **KOLSM Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegginga, 30 poeng**

**Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Kurstype: Vidareutdanning, valfri modul i mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging

Målgruppe: Studentar med profesjonsutdanningar eller anna høgare utdanning som ønskjer å vidareutdanne seg innfor planlegging med fokus på livsløpsperspektivet.

Opptakskrav: Grunnlaget for opptak er tre år høgare utdanning. Opptakskrava er nærare spesifisert i studieplanen for mastergraden i samfunnsplanlegging.

Studenttal: 25 studentar

Fagansvarleg: Randi Bergem, Sveinung Dimmen, Jon Olav Myklebust

#### **Mål**

Modulen legg vekt på livsløpsteori og korleis slik teori kan brukast som reiskap i kommunal planlegging. Modulen vil fokusere både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, men ha hovudfokus på planlegging lokalt (kommunenivå). Målet er å fremje kunnskap om korleis ein utvikle og utforme planar med eit langt tidsperspektiv og som tek omsyn til ulike befolkningsgrupper. Forholdet mellom individ og samfunn vil vere sentralt i denne modulen.

Studentane skal gjennom studiet utvikle:

Kunnskap om perspektiv, teoriar og metodar som er relevante for livsløpsperspektiv i planlegginga.

Kompetanse til å analysere og forstå utviklingstrekk og utfordringane i samfunnet når det gjeld å legge til rette for ulike livsløp.

Evne til kritisk vurdering av ulike metodar og modellar som er relevante for livsløpsperspektiv i planlegginga.

Evne til kritisk refleksjon over eiga rolle som tilretteleggar for betre livskvalitet.

Praktisk handlingskompetanse knytt til livsløpsperspektiv i planlegging.

Eit livsløpsperspektiv i planlegginga vil innebere heilskapleg planlegging. Dersom ein i større grad legg eit slikt perspektiv til grunn, kan det mellom anna medverke til betre livskvalitet, meir rasjonell ressursutnytting, effektivt tverrsektorielt samarbeid og robuste sosiale miljø.

### **Organisering og arbeidsmåtar**

Undervisninga er konsentrert til fem vekesamlingar fordelt utover studieåret. Kvar av vekesamlingane vil ta utgangspunkt i eit hovudemne.

Emna som inngår i modulen er:

Livsløpsteori Samling LS1, veke 39

Planlegging på langs - fokus på ulike grupper: Samling LS2, veke 45

Den gode staden - det aktive samfunnet: Samling LS3, veke 2

Integrert planlegging Samling LS4, veke 8

Studietur til Spania Samling LS5, veke 14

Undervisninga er lagt opp med ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid, presentasjon og drøfting i plenum m.m. Det er lagt vekt på praktiske øvingar med utgangspunkt i deltakarane sine eigne utfordringar. Det er ein føresetnad at deltakarane driv sjølvstudium mellom samlingane. Dersom undervisninga på vekesamlingane blir konsentrerte til fire dagar, er den femte dagen å rekne som studiedag.

### **Vurdering og eksamen**

Det blir skipa til ein 6 timars skriftleg individuell eksamen om våren. Stått eksamen gir 30 poeng i høgskulesystemet. Modulen kan takast som sjølvstendig vidareutdanning, og inngå som ein valfri modul i mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging. Det vert gjeve bokstavkarakterar. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

### **Innhald**

#### *Samling LS1: Livsløpsteori*

Den første samlinga skal gje kunnskap om sentrale tema innan livsløpsteori og livsløpsforskning. Dette er viktige utgangspunkt for dei neste samlingane. Livsløpstilnærminga knyter samlingane saman. Forholdet mellom individ og samfunn er utgangspunktet og referanseramma i modulen. Vekselspelet mellom individ og samfunn er viktig i forhold til korleis livsløp utviklar seg. Planlegginga må også ta omsyn til at samansetjinga av befolkninga stadig endrar seg

Innhald:

- Livsløpsteori
  - Kohort og generasjon
  - Livskvalitet og levekår
  - Demografiske perspektiv
- Samling LS2: Planlegging på langs - fokus på ulike grupper

Andre samlinga er kalla planlegging på langs. Planlegginga krev ikkje berre eit "her og no" perspektiv, men i like stor grad eit livsløpsperspektiv. Ulike oppgåver skal ikkje berre henge saman på tvers, dei skal også henge saman på langs - frå "vogge til grav". Som planleggarar står ein overfor grupper som er i ulike fasar av livet. Planlegginga i dag må ta omsyn til at desse etter kvart går over i nye livsfasar.

Innhald:

- ∪ Integrering og inkludering
- ∪ Planlegging i dag og for framtida
- Barn

- Ungdom
- Eldre
- Funksjonshemma

### *Samling LS3: Den gode staden - det aktive samfunnet*

Denne samlinga set søkjelyset på korleis ein kan utforme og legge til rette for samfunn der folk vil bu og trivast. Korleis kan ein skape gode lokalsamfunn? Ei slik tilnærming føreset tru på at menneska kan påverke, skape og endre dei samfunnsvilkåra dei lever under. Det inneber at offentlege aktørar, frivillige aktørar og kvar enkelt brukar tid og ressursar på aktivitetar som er retta mot ein fellesskap. I tilknytning til denne samlinga er det også aktuelt å sjå på samanhengen mellom fysiske strukturar og sosiale dimensjonar. Kan ein skape gode nærmiljø ved hjelp av institusjonaliserte aktivitetar og tilbod?

- Nærmiljøomgrepet
- Community (fellesskap/samfunn/sosialt ansvar)
- Fysiske strukturar og sosiale dimensjonar
- Tilrettelegging av tenester og tilbod

### *Samling LS4: Integrert planlegging*

Denne samlinga tek sikte på å gje ei innføring i dei nasjonale føringane som kan knytast til tema for modulen. Samlinga tek vidare sikte på å gje studentane kunnskap om ideologi og politikk som kan ligge bak integreringstilnærminga i planlegginga. Dersom ein skal lukkast med integrering og førebyggjande arbeid trengst områderetta planlegging og etablering av likeverdige tilbod for fleire grupper under eitt. Dette gjev nye utfordringar til faggrupper som tradisjonelt har arbeidd med ulike kategoriar menneske ut frå til dømes alder og funksjonsnivå. Aktuelle tema i samlinga er:

- Tverretatleg samarbeid
- Frivillige organisasjonar si rolle
- Samarbeid mellom offentlege og frivillige aktørar
- Planlegging som prosess
- Deltaking og medverknad

### *Samling LS5: Studietur /ekskursjon*

Samling 5 er ein studietur til Spania. Undersøkingar syner at mange nordmenn kan tenke seg opphald i Spania store delar av året. Difor er dette eit fenomen det er verd å undersøkje nærare. Målet med turen er å studere nordmenn og norske miljø i Spania.

I tilknytning til studieturen skal det skrivast ei oppgåve, som skal leverast inn til godkjenning. Dei som ikkje er med på turen skal også levere eit skriftleg arbeid i samband med denne samlinga.

### *Repetisjonssamling/eksamensførebuing*

Etter nærare avtale med studentane blir det arrangert ei eiga samling på to dagar der sentrale/vanskelege delar av pensum blir repetert og drøfta.

### **Pensum**

Modulen har eit pensum på vel 2000 sider. Sjå aktuell litteratur under kvar samling.

### *Samling LS1: Livsløpsteori*

Aktuell litteratur:

Buchmann, M (1989): *The Script of Life in Modern Society. Entry into Adulthood in a Changing World*. The University of Chicago Press. Chicago and London. (kap 1, 28 sider)

Elder, G.H.P (1992): Life Course. *Encyclopedia of Sociology* Volume 3. 1992 (9 s).

Giele, J. Z. & G.H. Elder (eds.) (1998) : *Methods of Life Course Research. Qualitative and Quantitative Approaches*. Thousands Oaks, London, New Delhi; sage 1998 (344 s)

Mannheim, Karl (1997): "The Problem of Generations" in Hardy, M.A. (ed.) (1997) *Studying Aging and Social Change. Conceptual and Methodological Issues*. Sage Publications. (40 sider).

Mayer, K. U. (1991): "Life Courses in the Welfare State" i Heinz, W.R. (ed) *Theoretical Advances in Life Course Research. Deutscher studien verlag. Weinheim*. 1991 (s.171-182, 12 sider).

Myklebust, J.O. (2000) : " På særvilkår gjennom vidaregåande opplæring. " *Spesialpedagogikk 1/2000*.

- Myklebust, J.O. (2001): "Demografiske bølger" i Heggen, Myklebust og Øia (red.) (2001): *Ungdom. I spenninga mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget. (15 sider).
- Riley, M.W (1992): Cohort Analysis. *Encyclopedia of Sociology*. Volume 1 1992. (10 s).
- Ryder, Norman B. (1997): "The Cohort as a Concept in the Study of social Change" in Hardy, M.A. (ed) (1997) *Studying Aging and Social Change*. Conceptual and Methodological Issues. Sage Publications. (s 66-92, 26 sider).
- Thorsen, K. (1997): Livsform, livsløp og livstema som anvendte forskningsbegreper. Med eksempler fra gerontologisk forskning. *NOVA skriftserie 9/97*. (26 sider).

### Samling LS2: Planlegging på langs - fokus på ulike grupper

#### Aktuell litteratur:

- Daatland, S.O. og P.E. Solem (2000): *Aldring og samfunn. En innføring i sosialgerontologi*. Fagbokforlaget, Bergen. (Kapitla 10, 13 og 14. (56 sider)).
- Frønes, I. (1996): *Children in Modern Families: A Scandinavian Perspective*. Paper, ISS, University of Oslo. (17 sider).
- Frønes, I. og R. Brusdal (2000): *På sporet av den nye tid. Kulturelle varsler for en nær fremtid*. Fagbokforlaget. (kap 1,3, 7, 9 og 13. 48 sider).
- Hagestad, G. (1996): "Familien på eldrebølgen" i Brandth, B. og K. Moxnes (red.): *Familie for tiden. Stabilitet og forandring*. Tano-Aschehoug (s. 51-59, 8 sider).
- Heggen, K., Myklebust, J.O. og Øia, T. (red.) (2001): *Ungdom. Mellom det lokale og det globale*. Oslo, Det Norske Samlaget. (ss. 9-55, 68-87, 102-135 og 152-172).
- Kravdal, Ø (1994): "Fruktbarhet under reproduksjonsnivå i Noreg". *Samfunnsspeilet 1/94*.
- Kvalsund, R. (2000): "Særskilt tilrettelagt opplæring under Reform 94. Elevbilette, reformføresetnader og tolkingsrammer". *Spesialpedagogikk 7/2000*.
- Stangvik, G. (1994): *Funksjonshemmede inn i lokalsamfunnet. Prinsipper og arbeidsmåter*. Universitetsforlaget, Oslo. Kapitla 1-8 (118 sider).
- Thorsen, K. (1995): *Aldring i et livsløpsperspektiv*. GerArt nr. 4/1995. Norsk gerontologisk institutt. Oslo. (21 sider).
- Thorsen, K. (1998): *Eldre inn i den nye tid. Mangfold, muligheter, mening*. Nasjonalforeningen, Rådet for eldre. (kap 1-6, 61 sider).
- Wilhelm, H. (1999): *Hvor har du vært? - Ingen steder. Miljøtilknyttede infrastrukturer og barns hverdagsliv - En kunnskapsoversikt*. Rapport nr 52. Norsk senter for barneforskning. (Heile rapporten, 78 sider).
- Aanderaa, B. og G. Tveiten (1994): *Kommuner for barn. Politikk, forvaltning og organisering for bedre oppvekstvilkår*. Kommuneforlaget, Oslo. (s.21-48, 28 sider).

Befolkningsstatistikk: [www.ssb.no/emner/02](http://www.ssb.no/emner/02) (befolkning)

### Samling LS3: Den gode staden/det aktive samfunnet

#### Aktuell litteratur:

- Alm, Kristian, Lene Bomann-Larsen og Henrik Syse red. (1999): *Verdier - fellesskap og mangfold*. Verdikommisjonens midtveisrapport. (7-11,100-125, 142-151. 176-183)
- Etzioni, A. (1995): *The Spirit of Community. Rights, Responsibilities and the Communitarian Agenda*. Fontana Press, London. (s.1-20, 116-160, 253-267).
- Giddens, A. (1994): *The Constitution of Society*. Cambridge: Polity Press. (kap 3, 110-159)
- Gjesdal Christensen, A.L (1991): *Livet i og mellom husene. Utvalgte artikler om livsform og bymiljø*. Universitetsforlaget, Oslo. (s. 18-33)
- Hompland, A. (1994): "Den stygge staden" i Forseth, T. (red.): *Det gode sted*. Miljøverndepartementet Universitetsforlaget. (s 119-122).
- Pløger, J. (1997): *Byliv og modernitet - mellom nærmiljø og urbanitet*. Kapittel 6. "Nærmiljø eller fragmentert byliv - den norske debatten" NIBRs PLUSS-SERIE 1-97. (kap 6, 161-210).
- Melberg, K. (2000): "Å forske på "Det gode liv" " i *Tidsskrift for Velferdsforskning*. Nr. 2, 2000.
- Røiseland, A. og Aarsæther, N. (1998): *Mellom kommune og lokalsamfunn, og hypoteser om institusjonelle koblinger*. NF-arbeidsnotat nr. 1004/98. Nordlandsforskning, Bodø.
- Skjeggedal, Terje, Pelle Engesæter og Jørgen Amdam 2001: *Tettsteder i distriktene - situasjon og muligheter*. Steinkjer/Lillehammer/Volda: Nord-Trøndelagsforskning, Østlandsforskning og Møreforskning.
- Spigseth; Kjell, Johan-Ditlef Martens og Axel Andreas Fiske 200: *Utvikling av miljøbyer.Erfaringer og anbefalinger fra Miljøbyprogrammet. Hovedrapport*. Oslo: Miljøverndepartementet. (Utdrag s. 1-10)
- Thorén, A-K.H., J.Guttu og J. Pløger (1997): *Utearealer i boligområder. Bruk og betydning. En*



*kunnskapsoversikt*. Notat 1997:113, Norsk Institutt for by- og regionforskning.

Wiborg, A. (1996): "Det moderne bygdesamfunnet: Naboskap uten fellesskap?" i Aasbrenn K. (red) (1996): *Opp og stå, gamle Norge. 16 artikler om distriktspolitikk og lokalt utviklingsarbeid*. Landbruksforlaget, Oslo. (s.19-32).

Aarsæther, N. (1999): "Moderne lokalsamfunn: strategiar for stadleg sosialitet" i Røiseland m.fl. (red.):

*Lokalsamfunn og helse. Forebyggende arbeid i en brytningstid*. Fagbokforlaget, Bergen. (s.35-49).

Aasbrenn, K. (1998): *Regional tjenesteorganisering i uttynningområder - Utfordringer - erfaringer - strategier*.

Rapport nr. 5 1998. Høgskolen i Hedmark. (kap.1,2,3,4,9,10 11).

#### *Samling LS4: Integrert planlegging*

Aktuell litteratur:

Amdam, R. (2001): Territoriell og sektoriell samfunnsplanlegging - mot ei todeling? Nordisk

Samhallsgeografisk tidsskrift. (15 sider).

Healey, P. (1997): *Collaborative Planning: Shaping Places in Fragmented Societies*. Basingstoke, Macmillan. (Kp. 4 og 9, 67 sider).

Holck, G. (1995): *Levende lokalsamfunn. Prinsipper og strategier for områdeforvaltning*. Kommuneforlaget. (143 sider).

Jacobsen, D.I. (1993): "Hvorfor er samarbeid så vanskelig? Tverretatlig samarbeid i et organisasjonsteoretisk perspektiv" i Repstad, P (red): *Dugnadsånd og forsvarsverker. Tverretatlig samarbeid i teori og praksis*. Tano, Oslo. (kp.2, 40 sider).

Knudsen, H. (1993): "Samarbeid på tvers av organisasjonsgrenser" i Repstad, P (red): *Dugnadsånd og forsvarsverker. Tverretatlig samarbeid i teori og praksis*. Tano, Oslo. (kp.1, 55 sider.)

Lorentzen, H. (1994): *Frivillighetens integrasjon. Staten og de frivillige velferdsprodusentene*. Universitetsforlaget. Kp 1,2,3 og 8 (95 sider).

Selstad, T. (1999): "Planleggingens århundre. Et kort århundre?" i *Plan nr 5-6/1999*.( 13 sider).

Skjeggedal, T. (2001): "Arealplanlegging er samfunnsplanlegging og samfunnsplanlegging er umulig" i *Plan nr. 6/2001*.(6 sider).

Stangvik, G (1994): *Funksjonshemmede inn i lokalsamfunnet. Prinsipper og arbeidsmåter*. Universitetsforlaget Oslo. (kp. 10-11, 21 sider.)

Sætre, R.H.(1995): "Helseprofil i et bomiljø. Et utgangspunkt for tverrfaglig handling" i Dalgard, O.S, E. Døhlie og M. Ystgaard (red): *Sosialt nettverk. Helse og samfunn*. Universitetsforlaget, Oslo. (kap. 9, 25 sider).

Thorsen, K. (1998): *Eldre inn i den nye tid. Mangfold, muligheter, mening*. Nasjonalforeningen, Rådet for eldre. (kap 7, 8 og 9, 24 sider).

Aarsæther, N. og A. Hagen (2001): *Planlegging. no! Innføring i samfunnsplanlegging*. Kommuneforlaget, Oslo. (s. 44-59, 16 sider).

#### *Samling LS5: Studietur til Spania*

Aktuell litteratur:

Helset, A. (2000): *Spania - for helsens skyld : en intervjuundersøkelse blant norske pensjonister på Costa del Sol*. NOVA skriftserie ; 2/2000. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, Oslo.

O'Reilly (2000): *The British on the Costa del Sol. Transnational identities and local communities*. Routledge, London og New York.

Rodriguez, V., G.Fernandez-Mayoralas and F. Rojo (1998): "European Retirees on the Costa del Sol: A Cross-National Comparison." *International Journal of Population Geography*, 4-1998

### **KOLAM Lokal planlegging og Agenda 21, 30 poeng**

Kurstype: Vidareutdanning, valfri modul i mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging

Målgruppe: Studentar med profesjonsutdanningar eller anna høgare utdanning som ønskjer vidareutdanning innanfor miljøretta og tverrsektoriell lokalsamfunnsutvikling.

Opptakskrav: Grunnlaget for opptak er tre år høgare utdanning. Opptakskrava er nærare spesifiserte i studieplanen for mastergraden i samfunnsplanlegging

Studenttal: 25 studentar

Fagansvarleg: Jørgen Amdam, Sveinung Dimmen og Nils Magne Magerøy

#### **Mål**

Denne modulen modulen skal sette studentane i stand til å forstå korleis lokalt plan- og utviklingsarbeid kan vere ein reiskap for å fremme Lokal Agenda 21 sine mål om styrking av lokaldemokrati og tverrsektorielle handlingar. Som

grunnlag for dette vil det bli lagt vekt på å skape innsikt i globale og nasjonale økologiske og samfunnsmessige utfordringar vi står overfor. Det blir lagt vekt på å få fram breidda i Lokal Agenda 21. Modulen vil gi innsikt i planleggingsmetodar og erfaringar frå mobiliseringsforsøk som grunnlag for å sette i gang lokalt utviklingsarbeid knytt til Lokal Agenda 21. Vidare blir det tatt sikte på å gi meir kunnskap om heilskapleg planlegging i eit Lokal Agenda 21-perspektiv.

### **Organisering, arbeidsmåtar og heimeoppgåver**

Undervisninga er konsentrert til fem vekesamlingar fordelt på haustsemesteret 2002 og vårsemesteret 2003:

Samling LA1: veke 35

Samling LA2: veke 41

Samling LA3: veke 47

Samling LA4: veke 4

Samling LA5: veke 12.

Repetisjon/oppsummeringssamling: veke 20.

Undervisninga er lagt opp med ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid, presentasjon og drøfting i plenum m.m. Det er lagt vekt på praktiske øvingar med utgangspunkt i deltakarane sine eigne utfordringar. Det er ein føresetnad at deltakarane driv sjølvstudium mellom samlingane. Dersom undervisninga på vekesamlingane blir konsentrerte til fire dagar, er den femte dagen å rekne som studiedag. Pensum er på om lag 2500 sider.

Studentane får tilbod om å skrive to heimeoppgåver som faglærer kommenterer. Studenten vel sjølv kva for ei av desse han vil levere til eksamen, etter eventuell bearbeiding. Fristar for innlevering av heimeoppgåver for kommentering 1.desember og 1.april, endeleg versjon 15. mai

### **Vurdering og eksamen**

Eksamen er samansett av ein 6 timars skriftleg individuell skuleeksamen og ei av heimeoppgåvene. Skuleeksamenen tel to tredjedelar og heimeoppgåva ein tredjedel når karakteren blir sett. Stått eksamen gir 30 studiepoeng i høgskulesystemet. Det blir nytta bokstavkarakterar. Karaktarskalaen har seks trinn: frå A til E for stått eksamen og F for ikkje stått. Modulen kan mellom anna inngå som sjølvstendig vidareutdanning, eller som ein valfri modul i mastergraden i samfunnsplanlegging.

### **Innhald**

Lokal Agenda 21 er forankra i Agenda 21, eitt av fem sluttdokument frå FN sin konferanse i Rio for miljø og utvikling i 1992. Modulen tar utgangspunkt i Rio-erklæringa og oppfordringa til kommunar om å gå i dialog og samhandling med sine innbyggjarar, organisasjonar og private foretak om å vedta ein Lokal Agenda-plan, og å sikre at handlingane lokalt er i samsvar med behovet for å løyse dei globale miljøutfordringane. Lokal Agenda 21-planar og det tiltaksretta arbeidet føreset tverrsektorielle kommunale løysingar som omfattar økologiske, sosiale, kulturelle og økonomiske forhold. Lokal Agenda 21-arbeidet stiller nye krav til kommuneplanlegginga, både med omsyn til heilskapleg områderetta planlegging og til tilrettelegging for brei folkeleg medverknad.

Innhaldet i modulen er organisert i blokker. Samling 1 - 3 er i hovudsak substansorientert, medan samling 4 er meir tiltaks- og prosessorientert. Samling 5 er lagt opp som studietur.

### **Samling LA1: Innføring i Lokal Agenda 21**

Samlinga skal gi grunnleggande kjennskap til trekk ved den internasjonale miljøpolitiske prosessen frå tidleg på 70-talet til i dag, kva Lokal Agenda 21 er, kvar omgrepet kjem frå og på kva måte Lokal Agenda 21 inngår i ein internasjonal miljøpolitisk kontekst. Det vert og lagt vekt på korleis Lokal Agenda 21 er motteke og implementert i Norge så langt, kva som er nytt i Lokal Agenda 21 i høve til tradisjonelle former for lokalt miljøvern og kva slags utfordringar ein står overfor i det vidare arbeidet.

Innhald:

- Trekk ved historia om miljø og utvikling frå miljøkonferansen i Stockholm i 1972 til i dag.
- Konteksten for Lokal Agenda 21; eitt av fem sluttdokument frå Riokonferansen i 1992.
- Status for det internasjonale arbeidet med Lokal Agenda.
- Overgangen frå tradisjonelt miljøvern til berekraftig utvikling i norske kommunar.
- Oppfølging av Lokal Agenda i norske kommunar, spreiring og sentrale styresmakter si rolle.
- Nasjonal politikk og handlingsplanar.

- Døme på gode Lokal Agenda 21 -prosjekt

### *Samling LA2: Økologisk berekraftig utvikling*

Målet med denne samlinga, som vert lagt til Ressurssenteret i Tingvoll, er å bygge opp grunnleggjande miljøkunnskap hos studentane og å illustrere korleis miljøomsyn kan integrerast i kommunal og annan verksemd. Kva slags økologiske utfordringar står vi overfor kommunalt, nasjonalt og internasjonalt? Kvifor og korleis tenke globalt og handle lokalt? Kvifor og korleis planleggje i eit langsiktig perspektiv og hindre at miljøproblem oppstår? I denne samlinga vert det fokusert på meir tradisjonelt miljøvern som ein viktig del av LA 21.

Innhald:

- Økologi; berekraftig utvikling, kretsløp, endringsprosessar.
- Energi; kjelder, optimal bruk, konsekvensar.
- Ressursforvaltning; produksjon, forbruk, avfall.
- Påverknad frå menneske; forureining/miljøgifter, arealforvaltning.
- Biologisk mangfald.

### *Samling LA3: Det lokale i det globale*

Medan samling 2 fokuserte på økologiske utfordringar, vil lokalsamfunnsperspektivet vere grunnlaget for denne samlinga. Eit grunnleggjande spørsmål vil vere: Kva utfordringar blir lokalsamfunnet stilt overfor i møte globale problemstillingar? Vi vil sjå nærare endringsprosessar i lokalsamfunn og nærmiljø, der tema som utvikling av energibruk og transport vil kaste lys over sentrale utfordringar. Med utgangspunkt i planforskinga vil vi sjå nærare på planverktøyet sin funksjon i lokalsamfunnsutviklinga og i den kommunale miljøforvaltninga. Kva krav kan vi stille til gode lokalsamfunn? Omgrep som levekår, livskvalitet og oppvekstmiljø står sentralt i ein slik diskusjon.

Innhald:

- Lokalnivået i møte med globale utfordringar.
- Levekår, nærmiljø og lokal planlegging.
- Materielle/fysiske strukturar som ramme for sosiale og kulturelle aktivitetar.
- Planforsking i miljøperspektiv.

### *Samling LA4: Lokale planprosessar - planleggingsmetodar for realisering av LA 21*

Målet med denne samlinga er å få fram erfaringar frå forsøk og prosjekt som kan illustrere områderetta planlegging, brei folkeleg mobilisering som har lukkast og mislukkast, nye og alternative organiseringsmåtar i kommunen og betydning av ein positiv «mottakarkultur» i kommunen for realisering av Lokal Agenda 21 - arbeidet. Samlinga er prosessorientert. Målet er og å integrere innhaldet i dei tidlegare samlingane og knytte desse saman i den kommunale planprosessen. Det blir også vist til døme på kva frivillige organisasjonar kan bidra med i dette arbeidet.

Innhald:

- Medverknad og deltaking i områdeplanlegging.
- Prosjektleiing.
- Korleis mobilisere grupper som vanlegvis ikkje deltar i styre og stell.
- Konkrete rettleiingserfaringar frå mobiliseringsarbeid.
- Mobilisering i forhold til tidsbruk og økonomi.
- Gi ei oversikt over LA21- relevante prosjekt og tiltak.

### *Samling LA5: Studietur*

Den siste samlinga blir lagt opp som studietur der målsettinga er å få ei nærare forståing av korleis lokalt planleggings- og utviklingsarbeid kan nyttast for å realisere målsettingar med bakgrunn i LA 21.

### **AKTUELL litteratur - Lokal planlegging og Agenda 21**

Modulen har eit pensum på om lag 2500 sider. Sjå aktuell litteratur under kvar samling.

#### *Samling LA1: Innføring*

Aktuell litteratur:

Idebanken/KS 1998: På sporet av framtida. Idehåndbok om Lokal Agenda 21. Oslo: Kommune-forlaget.

Lafferty W.M., Aall, C. og Seippel, Ø 1998: Fra miljøvern til bærekraftig utvikling i norske kommuner. Rapport 2. Oslo: ProSus.

ProSus 1998: »Tema: Lokal Agenda 21», i *Tidsskrift for et bærekraftig samfunn*, nr. 2. Følgjande sider er pensum: s.

5 - 43 og s. 61 - 78

Aall C., Lafferty W. M. og Lindseth G.: Ansvars- og myndighetsfordeling mellom stat og kommune på miljøområdet. Vestlandsforskning: Rapport 7/2001

Artiklar samla i eige kompendium:

Lafferty, W.M. 1996: «The Politics of Sustainable Development: Global Norms for National Implementation». Artikkel i *Environmental Politics* 5:2.

Lafferty, W.M. og Eckerberg, K 1998: From Earth Summit to Local Agenda 21: Working Towards Sustainable Development. Introduksjonskapitlet. Earthscan

Miljøverndepartementet: Strateginotat T-1278 - Lokal Agenda 21. Miljøvernforvaltningens arbeide med Lokal Agenda 21.

NOU 2001: 7: Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven. Kap 2.

St. meld. nr. 29 (1996-97): *Regional planlegging og arealpolitikk*. Kap. 2

St. meld. nr. 58 (1996-97): Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Kap. 8

### Samling LA2: økologisk berekraftig utvikling

Aktuell litteratur:

Arctic Pollution Issues: A State of the Arctic Environment Report. AMAP (Arctic Monitoring and Assessment Programme) Oslo 1997 s. 20-33

Biolog 1995, nr. 4-5: Bevaring av biologisk mangfold i kommunene. S.3-93.

Chiras, D.D. 1989: *Environmental Science- A framework for Decision Making*. California: Benjamin/ Cummings Publishing Company, Inc. s. 302-325.

NVE 1996: Nye fornybare energikilder

Oterholm, E. 1997: Grunnleggende miljøforståelse. Ressurssenteret i Tingvoll. s. 27- 39.

Smith, R.L. 1992: *Elements of Ecology*. New York: Harper Collins Publishers Inc. s. 1-34, 295-437.

Steigen, A. 1993: *Framtida kommer uansett*. Oslo: Gyldendal. s.113-164.

Turk, J. & Turk, A. 1988: *Environmental Science*. New York: Saunders College Publishing. s. 2-20. 1988.

### Samling LA3: Det lokale i det globale

Aktuell litteratur:

Guttu, J., P.Næss og I.-L.Saglie 1993: *Natur og miljøvennlig tettstedsutvikling. Oppsummering av NAMIT-prosjektet*. NIBR-notat 1993:115. Oslo: NIBR. 32 s.

Kleven, T. (red) 1999: *En dagsorden for norsk planlegging*. NIBR Pluss-serie 1-99 Oslo: NIBR. (s.13 - 123 og s. 173 - 283; t.s. ca. 220 s.)

Skjeggedal, T. (2000): *Attraktive tettsteder i distriktene?* NTF-rapport 2000: 7

Artiklar samla i eige kompendium:

Gullestad, M. (1994): *Det gode sted - for hvem?* I: Forseth, T. (red.): *Det gode sted*. Universitetsforlaget. Oslo.

Høyer, KG. (1993): *Miljøproblemene endrer karakter*. I: Høyer, KG. og Selstad, T. (1993): *Den besværlige økologien*. NordREFO 1993:3. Nordiskt Institut för regionalpolitisk forskning, København. 40 s.

Høyer, KG. (1997): *Sustainable Development*. Brune, D. Chapman, D., Gwynne, M. (eds): *The Global Environment*. Weinheim: VCH Publ: 1185-1208. 23 s.

Holden, E. (1998): *Planning Theory: Democracy or Sustainable Development? Both (But don't bother about bread, please)*. *Scandinavian Housing & Planning Research*, 15:227-247. 20 s.

Rasmussen, S. (1998): *Stedanalyse - erfaringer med mål og midler*. I: Plan 5/6 1998

Relph, E. (1976): *Place and placelessness*. To kapittel: "On the identity of places" og "Prospects for places". Pion Limited, London

Tidsskrift for et bærekraftig samfunn (Universitetsforlaget), *Tema: Bærekraftig mobilitet (4/96)*:

Karl G Høyer: "Bærekraftig mobilitet".

Karl G Høyer: "På reisefot - men ikke til fots".

Morten Simonsen: "Mobilitet i by og bygd".

Erling Holden: "Den miljøvennlige bilen - finnes den?".

Carlo Aall: "Vegen er målet".

Karl G Høyer: "Bærekraftig mobilitet - finnes det et globalt rettferdig nivå?".

Garnåsjordet, p.A. 1997: *Gjensyn med norsk by- og regionalplanlegging*. Plan 1997:3 s.38-49. Oslo: Universitetsforlaget.

Skjånes, T. 1999: *Oversiktsplanleggingen i historisk perspektiv*. Plan 1999: 1-2 s. 78-93. Oslo: Universitetsforlaget.

Miljøverndepartementet 2000: *Utvikling av miljøbyer. Erfaringer og anbefalinger fra Miljøbyprogrammet*.

Hovedrapport. MD T-1320. Utdrag s. 3-10, s. 46-51.

### *Samling LA4: Lokale planprosessar - planleggingsmetodar for realisering av LA21*

#### Aktuell litteratur:

- Amdam J. og Amdam R. 2000: *Kommunikativ planlegging* Oslo: Det norske samlaget. Kapittel 9,10,11 og 12
- Carlsson, Y. 1992: *Det kompliserte nærmiljøarbeidet. Om muligheter og hindringer i arbeidet med å utvikle lokalsamfunn. Erfaringer fra nærmiljøforsøkene 1987-1991*. NIBR rapport 1992:12. Oslo: NIBR. Kap. 4, 5, 6, 10 og 13
- Carlsson, Y. og Nordahl, B. 1999: *Lokale utvalg og deltakerdemokrati. Evaluering av forsøkene i SAM-programmet*. NIBR-rapport 1999:?. Oslo: NIBR. Kap. 1, 2 og 12.
- International Council for Local Environmental Initiatives (I.C.L.E.I.): *The local Agenda 21 Planning Guide. An Introduction To Sustainable Development Planning*. 1996. Utdrag.
- Kommunenes sentralforbund 1999: *Plan med folkevett. Plan- og budsjettarbeid i lys av Lokal Agenda 21*.
- Nyseth, Torill og Nils Aarsæther 2002: *Nærdemokrati - teori og praksis*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Opedal, S., Pløger, J., Strand, A. og Vestby, G.M. 1998: *Miljøbyprogrammet. En midtveisevaluering*. Prosjektrapport 1998:8. Oslo: NIBR. Kap. 8: Lokalsamfunnsprosjekter og medvirkning.
- Røiseland, A. og Aarsæther, N. 1998: *To regimenter i nærdemokratiets tjeneste? Hovedresultater fra en undersøkelse blant medlemmer i områdeutvalg*. NF-arbeidsnotat nr. 1029/98. Bodø: Nordlandsforskning.
- Røiseland, A. og Aarsæther, N. 1998: *Mellom kommune og lokalsamfunn og hypoteser om institusjonelle koblinger*. NF- arbeidsnotat nr. 1004/98. Bodø: Nordlandsforskning.
- Røiseland, A. og Aarsæther, N. 1999: *Lokalsamfunn og demokrati - Teoretiske og metodiske aspekt ved begrepet «sosial kapital»*. Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift nr. 1/99
- Ulstein, K. 1998: *Organisasjon og ledelse i frivillig arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap. 2, 3, 4, 5, 6, 7, 12, 13, 14 og 15.
- Urry, J. 1991: «Lokale steder i globale tider», i Røiseland et al: *Lokalsamfunn og helse. Forebyggende arbeid i ei brytningstid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Westhagen, H. 1995: *Prosjektarbeid. Utviklings- og endringskompetanse*. Kap. 1, 2, 3, 4, 5, 9 og 11. Universitetsforlaget, Oslo
- Aarsæther, N. 1999: «Moderne lokalsamfunn. Strategier for stadleg sosialitet» i Røiseland et al: *Lokalsamfunn og helse. Forebyggende arbeid i ei brytningstid*. Bergen: Fagbokforlaget.

### *Samling LA5 - Studietur*

#### Aktuell litteratur

Det blir definert eit eige pensum på inntil 200 sider som ein del av arbeidet med studieturen.

## **KOOLM Offentleg organisering og leiing / Offentlig organisering og ledelse, 30 poeng (10vt)**

*Governance and management, 30 ECTS credits*

Kurstype: Sjølvstendig vidareutdanning, obligatorisk del av eittårig studium i Kommunal organisering og leiing og valfri modul i mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging

Målgruppe: Modulen er spesielt eigna for leiarar av resultateiningar, samt topp- og mellomleiarar i kommunar, fylkeskommunar og stat. Modulen er vidare eigna for alle tilsette med ansvar for organisasjonsutvikling og personalforvaltning i offentlig sektor, og i private verksemder og frivillige organisasjonar med mykje kontakt med offentlig sektor

Opptakskrav: Grunnlaget for opptak er tre år høgare utdanning. Opptakskrava er meir spesifiserte i studieplanen for mastergraden i samfunnsplanlegging.

Studenttal: 25 studentar

Fagansvarleg: Roar Amdam, dr. agric og professor i samfunnsplanlegging

### **LæringsMål**

Moderniseringa av offentlig sektor blir sett i lys av fleire teoretiske perspektiv og nyare forskning med sikte på å gjere deltakarane til reflekterte leiarar med kompetanse til kritiske og konstruktiv vurdering av ulike modellar og oppskrifter for organisering og leiing. Studentane skal gjennom studiet utvikle:

- Kompetanse til å analysere og forstå utviklingstrekk og utfordringane i offentlig sektor
- Kunnskap om perspektiv, teoriar og metodar som er relevante for offentlig organisering og leiing
- Evne til kritisk vurdering av ulike modellar og oppskrifter for offentlig organisering og leiing
- Praktisk handlingskompetanse i målretta organisasjonsutvikling, kompetanseutvikling og leiing
- Evna til kritisk refleksjon over eiga rolle som leiar

## **Organisering og arbeidsmåtar**

Undervisninga er konsentrert til fem vekesamlingar samt forkurs og repetisjon fordelt utover studieåret:

- Samling 1: Veke 38 - 2002
- Samling 2: Veke 44
- Samling 3: Veke 49
- Samling 4: Veke 5 - 2003
- Samling 5: Veke 10
- Repetisjon: Veke 18 (to dagar)

Undervisninga er lagt opp med ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid, presentasjon og drøfting i plenum m.m. Det er lagt vekt på praktiske øvingar med utgangspunkt i deltakarane sine egne utfordringar. Det blir forventa at deltakarane driv sjølvstudium mellom samlingane og at dei leverer heimeoppgåver for kommentering. Dersom undervisninga på vekesamlingane blir konsentrerte til fire dagar, er den femte dagen å rekne som studiedag.

## **Vurdering og eksamen**

Studentane får tilbod om å skrive to heimeoppgåver som faglærer kommenterer og gir førebels karakter, og som studenten så kan bearbeide vidare for innlevering. Fristar for innlevering av heimeoppgåver for kommentering 1. desember og 1.april, frist for endeleg versjon som del av eksamen: 1. mai. Vurderinga er samansett av dei to heimeoppgåvene som kvar tel 30% og ein 5 timars skriftleg individuell skuleeksamen i slutten av vårsemesteret som tel 40%. Studentar som ikkje har fått godkjent dei to heimeoppgåvene kan gå opp til ei munnleg prøve. Stått eksamen gir 30 studiepoeng i høgskulesystemet.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **Innhald**

### *Samling OL1: Utfordringar for og teoriar om offentleg sektor*

På denne samlinga vert det lagt vekt på demokratiteori, politisk organisering, politiske prosessar og kva rolle offentleg verksemd har i samfunnet, og kva verknader ulike organisasjonsformer har for oppgåveløysinga og for brukarane.

- Utviklingstrekk og utfordringar for offentleg sektor
- Forvaltningskunnskap og politisk organisering
- Demokrati som styreform, aggregerande, deltakande og deliberative demokratisyn
- Folkevalde, administrasjon, interesseorganisasjonar m.m.
- Byråkrati, profesjonar og bakkebyråkratar
- Demokrati og internasjonale forpliktingar og institusjonar
- Analyse av og for politikk
- Utforming, implementering og evaluering av politikk

### *Samling OL2: Organisasjonsteori og avgjerdsmodellar*

Føremålet med samlinga er å gje eit oversyn over klassiske og nyare teoriar om organisasjonar som struktur og kultur, med vekt på omgrep og modellar som vert nytta i analyse av organiseringsprosessar.

- Kva er ein organisasjon og kva er organisasjonsteori?
- Organisasjonsteoriar, framvekst, klassifisering og integrering
- Organisasjonsstruktur og organisasjonskultur
- Organisasjonsprosessar, avgjerdsteori og avgjerdsmodellar
- Organisasjonar, omgjevnader og effektivitet
- Organisasjonsdesign

### *Samling OL3: Reformer og organisasjonsutvikling*

På denne samlinga skal vi konsentrere oss om teori og metode for organisasjonsutvikling, trendar innan organisasjonsutvikling, og om modernisering av offentleg sektor

- Organisasjonsutvikling
- Verktøy, symbol og organisasjonsformer

- Metodar og teknikkar i OU-prosessen
- Organisasjonsutvikling i offentleg sektor
- Tilhøvet mellom statleg, kommunal, frivillig og privat sektor
- Offentleg eller privat organisering av tenesteproduksjon
- Forvaltningspolitikk og erfaringar med forvaltningsreformer

#### *Samling OL4: Leiing og leiingsteori*

Føremålet med denne samlinga er å gje ei innføring i moderne organisasjons- og leiings-psykologi, og vise korleis kunnskap om forskingsresultat og innsikt i fagpsykologiske omgrep og prinsipp kan hjelpe ein til å tenkje sjølvstendig omkring praktiske problem i arbeidslivet og til å finne eigne løysingar.

- Element i leiing og leiaren sitt fundament
- Klassifisering av leiingsteoriar og modellar
- Leiarfunksjonar og leiarstilar
- Situasjonsbestemt leiing og superleiing
- Leiing i ulike organisasjonstypar
- Emosjonar, personlegdom, jobbmotivasjon og jobbutvikling
- Persepsjon, læring, problemløysing, avgjerdstaking og kreativitet
- Gruppepsykologi, haldningar, verdiar og organisasjonskultur
- Kommunikasjons- og informasjonsprosessar, medarbeidarsamtalen, stress og utbrentheit
- Konfliktpotensialet i organisasjonar, konfliktpersepsjon og konfliktåtferd, konfliktanalyse og strategiar ved konflikthandtering

#### *Samling OL5: Personalleiing og kompetanseutvikling*

Siktemålet er å gje eit oversyn over fagfeltet personaladministrasjon, med vekt på sentrale funksjonar innafor det som har med leiing og personalutvikling å gjere.

- Personalpolitikk, personaladministrasjon og personalleiing
- Strategi, verdiar og etikk i personalarbeidet
- Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik
- Stillingsutforming, rekruttering, utveljing og oppseiing
- Kompetanseplanlegging og kompetanseutvikling

#### *Repetisjonssamling/eksamensførebuing*

Etter nærare av tale med studentane blir det arrangert ei eiga samling på to dagar der sentrale/vanskelege delar av pensum blir repetert og drøfta.

#### **Pensum**

Modulen har eit pensum på om lag 2500 sider utanom litteratur knytt til forkurset. Minst halvparten av pensum er frå utlandet.

#### *Samling OL1: Utfordringar for og teoriar om offentleg sektor*

##### *Aktuell litteratur - bøker der størsteparten er pensum*

1. Bukve, O. (siste utgåva): Kommunal forvaltning og planlegging. Oslo: Samlaget
2. Midgaard, K. og Rasch, B. E. (red.) 1998: Demokrati - vilkår og virkninger. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 2-5, 9-10 og 18. 167s. Dvs. følgjande kapittel: Midgaard, K.: "Legitime og gode styreformer - om demokratiet". Weigård, J. og Eriksen, E. O.: "Deliberasjon og demokrati". Langhelle, O.: "Liberalisme og demokrati". Syse, H.: "Felleskap og demokrati". Larsen, H.O. og Mikalsen, K.M.: "Byråkrati og demokrati". Hernes, H.K.: "Interesseorganisering og demokrati". Føllesdal, A.: Internasjonale forpliktelser og demokrati".
3. Hill, M. (red.) (siste utgåva): The Policy Process. A reader. London: Harvester Wheatsheaf. Utvalde artiklar, 180s. Dvs. følgjande kapittel: Gordon, I., Lewis, J. og Young, K.: "Perspectives on policy analysis". Minogue, M.: "Theory and practice in public policy and administration". Jenkins, B.: "Policy analysis: models and approaches". Lukes, S.: "Three distinctive views of power compared". Hogwood, B. og Lewis, G.: "Why 'perfect implementation' is unattainable". Hjern, B. og Porter, D.O.: "Implementation structures: a new unit of administrative analysis". Elmore, R.E.: "Organizational models of social program implementation". Sabatier, P.A.: "Top-down and bottom-up approaches to implementation research". Weber, M.: "Rational-legal authority and bureaucracy". Degeling, P. og Colebatch, H.: "Structure and action as constructs in practice of public administration". Lipsky, M.: "Street-level

bureaucracy: An introduction." Hudson, B.: "Michael Lipsky and street level bureaucracy: A neglected perspective".

*Aktuell litteratur- artiklar og kapittel frå bøker trykt i eige kompendium som er pensum*

4 Olsen, J. P. 1993: "Et statsvitenskapelig perspektiv på offentlig sektor", i Læg Reid, P og Olsen, J.P.: *Organisering av offentlig sektor*, Oslo: Tano. Kapittel 1. 23s.

5. Eriksen, E.O. 1993: *Grenser for staten*. Oslo: Universitetsforlaget. Kapittel 8. 40s

6. Olsen, J.P. 1978: «Folkestyre, byråkrati og korporativisme», i Olsen, J.P. (red.) *Politisk organisering*. Bergen: Universitetsforlaget. 77s.

7. Olsen, J.P. 1988: *Administrative reforms and theories of organizations*. LOS-senter notat 88/31. Bergen: LOS-sentert. 17s.

Tilrådd rekkefølge for lesing av pensum: 1, 4, 2, 5, 6, 7, og 3

*Litteratur som studentane skal presentere og drøfte i seminar - alternativ:*

Hansen, T. og Offerdal, A. (red.) 1995: *Borgere, tjenesteytere og beslutningstakere*. Oslo: Tano. Utvalde kapittel.

Foss, O. og Mønnesland, J. (red.) 2000: *Evaluering av offentlig virksomhet*. NIBRs pluss-serie 4-2000. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning. Utvalde kapittel.

Eriksen, E.O. 2001: *Demokratiets sorte hull*. Abstrakt forlag

*Samling OL2: Organisasjonsteori og avgjerdsmodellar*

*Aktuell litteratur - bøker der størsteparten er pensum*

1. Scott, R.W. (siste utgåva): *Organizations. Rational, natural and open systems*. Prentice Hall, New Jersey. Kapittel 1-7 og 11-13. 260s.

2. Enderud, H. 1976: *Beslutninger i organisationer*. København: Fremmad. Kapittel 1-5. 130s. (Kopi av delar dersom boka er utgått)

*Aktuell litteratur - artiklar og kapittel frå bøker trykt i eige kompendium som er pensum*

3. Eriksen E.O. 1999: *Kommunikativ ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 1. "Management eller demokrati". 20s.

4. Mintzberg, H. 1989: *Mintzberg on management*. London: Collier Macmillan Publisher. Kapittel 6. "Deriving configurations". 20 sider.

5. Bryson, J.M. og Roering, W.D. 1987: "Applying private-sector strategic planning in the Public sector". *Journal of American planning association* 53.1: 9-22.

6. Allison, G.T. 1969: "Conceptual models and the Cuban missile crisis". *American Political Science review*, LXIII no. 3: 689-718.

Tilrådd rekkefølge for lesing av pensum: 3, 1, 4, 5, 6 og 2

*Samling OL3: Reformer og organisasjonsutvikling*

*Aktuell litteratur - bøker der størstedelen er pensum*

1. French, W. L. og Bell, C. H. jr. (siste utgåva): *Organization development. Behavioral science interventions for organization improvement*. Prentice Hall. Kapittel 1-8. 154s.

2. Røvik, K. A. 1998: *Moderne organisasjoner. Trender i organisasjonstenkningen ved tusenårsskiftet*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 6-14. 192s.

3. Grønlie, T. og Selle, P. 1998: *Ein stat? Fristillingas fire ansikt*. Oslo: Samlaget. 168s.

*Aktuell litteratur - artiklar og kapittel frå bøker trykt i eige kompendium som er pensum*

4. Bogen, H, og Nyen, T. 1998: *Privatisering og konkurranseutsetting i norske kommuner*. Fafo-rapport 254. Oslo: Forskningstiftelsen Fafo. Kapittel 6. 5s.

5. Eriksen E.O. 1999: *Kommunikativ ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 7. "Sykehusorganisering - fra hierarki til verksted?" 23s.

6. Eriksen E.O. 1999: *Kommunikativ ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 8. "Fra statsborger til kunde". 25s.

7. Olsen, J. P. og Guy Peters, B. 1996: "Learning from experience?", i Olsen, J. P. og Guy Peters, B. (red) *Lessons from experience*. Oslo: Universitetsforlaget. 35s.

Tilrådd rekkefølge for lesing av pensum: 1, 2, 3, 4, 5, 6, og 7

*Litteratur som studentane skal presentere og drøfte i seminar - ikkje ordinært pensum*

French, W. L. og Bell, C. H. jr. (siste utgåva): *Organization development. Behavioral science interventions for organization improvement*. 5<sup>th</sup>. ed., Prentice Hall. Utvalde kapittel.



### *Samling OL4: Leiing og leiingsteori*

#### *Aktuell litteratur - bøker der størstedelen er pensum*

Kaufmann, G. og Kaufmann, A., (siste utgåve): *Psykologi i organisasjon og ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. 395 s.

#### *Aktuell litteratur- artiklar og kapittel frå bøker trykt i eige kompendium som er pensum*

Byrkjeflot, H. 1997: "Fra ledelse til management", i Byrkjeflot, H. (red.): *Fra styring til ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapittel 17. 24s.

Slagstad, R. 1998: *De nasjonale strateger*, del IV kapittel 3 "Politikkens gjenkomst". Oslo: Pax. 24s.

Baldersheim, H. 1990: "Rådmannen - tenar i politikken eller sjef i butikken?", i Baldersheim, H. (red.) *Ledelse og innovasjon i kommunene*. Oslo: Tano. 22s.

Kile, S.M. 1995: "Helefarleg leiarskap", i *Praktisk økonomi og ledelse* 11.2: 109-117.

Tilrådd rekkefølge for lesing av pensum: 1, 2, 3, 4 og 5

### *Samling OL5: Personalleiing og kompetanseutvikling*

#### *Aktuell litteratur - bøker der størstedelen er pensum*

Grimsø, R. E. (siste utgåve): *Personaladministrasjon - Teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget. 373 s.

## **KORPM Regional planlegging og utvikling, 30 poeng**

Kurstype: Vidareutdanning, godkjent som den obligatoriske fellesmodulen i samfunnsplanlegging i mastergradsstudiet i samfunnsplanlegging

Forkunnskap: Bachelor i planlegging og administrasjon eller tilsvarande

Fagansvarleg: Professor dr. scient. Jørgen Amdam

Målgruppe: Fagfolk med profesjonsutdanningar eller anna høgare utdanning som ønskjer å vidareutdanne seg innanfor regional planlegging og regional utvikling

Opptakskrav: Grunnlaget for opptak er tre år høgare utdanning eller tilsvarande. Opptakskrava er meir spesifiserte i studieplanen

Studenttal: 25 studentar

### **Mål**

I heile Europa er regionar i fokus i politikk og planlegging. I dette kurset er regionar omfatta som samfunn mellom nasjon og lokalsamfunn - bygd på til dømes sams identitet, sams næringsstruktur, administrativ inndeling eller sentrum-omland. Modulen legg vekt på utfordringane som ulike regionar står ovanfor, analyse av evnene dei har til å svare på slike og utvikling av strategiar og tiltak for å møte utfordringar. Modulen skal fungere som ei syntese av aktivt utviklingsarbeid og heilskapleg regional samfunnsplanlegging (sosial, kulturell, økonomisk og fysisk) med vekt på korleis ein kan stimulere og leie utviklings- og endringsprosessar i regionale samfunn. Partnerskap mellom det sivile samfunnet, næringslivet, demokratiske institusjonar og offentleg administrasjon i endringsarbeidet står sentralt. Modulen er difor eigna for planleggarar, leiarar og andre tilsette med ansvar for samfunnsplanlegging, regional utvikling og andre leiaroppgåver i kommunar, fylkeskommunar og stat, og leiarar i privat og frivillig sektor som har mykje kontakt med offentleg sektor og viktige roller i regionalt utviklingsarbeid.

### **Studentane skal gjennom studiet utvikle:**

- Kunnskap om perspektiv, teoriar og metodar som er relevante for regional utvikling og regional samfunnsplanlegging.
- Evne til kritisk vurdering av ulike modellar og "oppskrifter" for regional utvikling, samfunnsendring, partnerskap mellom privat og offentleg sektor m.m.
- Kompetanse til å analysere og forstå utviklingstrekk og utfordringane i regionale samfunn.
- Kunnskap om samanhengen mellom proaktivt utviklingsarbeid og korleis det regionale planleggingsystemet kan brukast til å skape utvikling og samfunnsendring.
- Praktisk handlingskompetanse i å leie og organisere målretta regionalt utviklingsarbeid .
- Evna til kritisk refleksjon over eiga rolle som planleggar og utviklingsaktør.

### **Organisering og arbeidsmåtar**

Undervisinga er delt på fem (seks) samlingar kvar på fire dagar fordelt på haust- og vårsemesteret (5 dagen er studiedag). Undervisinga er lagt opp med ein kombinasjon av forelesingar, gruppearbeid, presentasjon og drøfting av pensum m.m. og er klart prosessorientert med stor vekt på tovegskommunikasjon mellom student og lærar. Det er

lagt vekt på praktiske øvingar og essey-skriving med utgangspunkt i deltakarane sine eigne utfordringar. Om det er interesse for det kan organisere ein fagleg ekskursjon til utlandet etter den femte samlinga.

Fem samlingar, kvar på fire dagar (tysdag til og med fredag) er fordelt utover studieåret slik:

Samling 1: veke 37.

Samling 2: veke 41.

Samling 3: veke 48.

Samling 4: veke 6 -2003.

Samling 5: veke 11.

Eventuell ekskursjon - mellom veke 13 og 17.

Repetisjon: 2 dagar etter nærare avtale (t.d. veke 18)

### **Vurdering og eksamen**

Eksamen er samansett av ein individuell 3 dagar skriftleg heimeeksamen/netteksamen i slutten av vårsemesteret og som tel 40% og to heimeoppgåver som kvar tel 30%. Studentane får tilbod om å skrive to heimeoppgåver som faglærer kommenterer og gir førebels karakter og som studenten så kan bearbeide vidare for innlevering. Fristar for innlevering av heimeoppgåver for kommentering 1. desember og 1.april, frist for endeleg versjon som del av eksamen: 1. mai.

Studentar som ikkje har fått godkjent dei to heimeoppgåvene kan gå opp til muntleg prøve.

Stått eksamen gir 30 studiepoeng i høgskulesystemet. Kurset er ein obligatorisk modul i mastergraden i samfunnsplanlegging og kan også brukast som del av anna vidareutdanning.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

### **Innhald**

Tema i samlingane er organisert slik at ein følgjer den vanlege gangen i strategisk planlegging:

Samling 1: Utfordringar for og teoriar om regionalt utvikling og planlegging

Samling 2: Kommunikativ planlegging og kreativ problemløysing

Samling 3: Kapabilitet - regionalt utviklings- og planleggingsarbeid

Samling 4: Organisering - prosjektplanlegging og prosjektarbeid

Samling 5: Politikk og strategi - regional framtid

### **Samling 1: Utfordringar for og teoriar om regionalt utvikling**

Samlinga gir innsyn i drivkrefter i regionale nærings- og samfunnsstrukturar i Noreg og i utlandet, ulike teoretiske perspektiv på regional utvikling og skal utvikle ei kritisk forståing av kva utviklingsprosessar og politikk som har ført til den noverande strukturen. Like eins vert drøfta kva utfordringar som noverande utviklingstrekk kan føre til av omfordeling og endring i ein territoriell samanheng. Samlinga gir også oversikt over kva utviklingsstrategiar som kan nyttast for å få endra utvikling og kva teoretisk grunnlag som strategiane har. Kurset gir også ei kortfatta innføring i planleggingsteori, offentlege planleggingssystem, strategisk planlegging og regional utvikling - det minimum som trengst for å take resten av kurset om ein ikkje har grunnutdanning i samfunnsplanlegging.

### **Innhald**

Teoriar om samfunnsplanlegging. - Strategisk samfunnsplanlegging. - Kommunal- og fylkeskommunal samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova. - Regionale utviklingsprosessar og strategiar.

Kva er regionar og regional utvikling?. - Teoretiske perspektiv på regional utvikling; «manufacturing belts», industrielle distrikt, innovative regionar og lærande regionar - utvikling initiert ovanfrå og nedanfrå - korleis kan regional utvikling forståast i lys av slike perspektiv?. - Forholdet mellom teoriar om regional utvikling og teoriar om planlegging - kritisk drøfting av idegrunnlaget.

### **Samling 2: Ideutvikling - kommunikativ planlegging og kreativ problemløysing**

Samlinga handlar om kreativitetsteknikkar i planlegging og kommunikative planleggings- og utviklingsstrategiar - sett i forhold til folkestyre og samfunnssystem. Siktemålet med samlinga er å gi ein teoretisk oversikt over utfordringar innan feltet. Bygd på dette blir det gjennomgått ulike kreativitetsteknikkar og kommunikasjonsformer med stor vekt på øving i metodane og drøfting av bruksområda. Det blir lagt vekt på å få fram at kreativitetsteknikkar byggjer på både det instrumentelle og det kommunikative rasjonalitet, og kan fremme deltaking, demokrati og læring. Korleis slike metodar kan brukast i lokal og regional planlegging og utviklingsarbeid står sentralt.

### **Innhald**

Det teoretiske grunnlaget - om instrumentell og kommunikativ rasjonalitet - forholdet til regional utvikling og planlegging. - Kreativ problemløysing, idédugnad, konstruktiv kommentar m.m. - Bruksområde for kreativ planlegging og problemløysing i utviklingsarbeid. - Medverking frå innbyggjarar i planprosessar. - Politkarrolla i offentleg planlegging. - Målstyring og demokrati.

### ***Samling 3: Kapabilitet - forholdet mellom regional utvikling og planlegging***

Kurset gir innsyn i utviklinga av regionale samfunn, og kva som kan gjerast for å stimulere regionale handlingsmiljø. Kva kapabilitet - evne - har regionale samfunn til å møte utfordringar og korleis kan denne kapabiliteten utviklast? Er det mogleg å styre regional utvikling utanfrå eller innanfrå - eller må det brukast meir konkurransebaserte, proaktive og mobiliserande arbeidsmåtar? Kva er grensene for og rolla til planlegging av regional utvikling under ulike forhold? Kva virkemiddel og arbeidsmåtar er aktuelle for å stimulere regional utvikling - kva bruksområde har dei? Det er lagt stor vekt på kva som stimulerer regionale utviklingsprosessar, og korleis kommunar, fylke og stat kan bidra til utvikling av samfunn i samarbeid med private partnerar.

#### *Innhald*

Regional utvikling og samfunnsplanlegging - planlegginga si rolle og sine grenser ved regional utvikling - sett i forhold til ulike utviklingsteoriar. - Strukturelle rammer for regional utvikling i ulike typar regionar - utfordringar knytt til ressursgrunnlag, infrastruktur, økonomi, befolkningsstruktur, sosiale og politiske forhold m.m. - Sosiale nettverk og sosiale arenaer - mobilisering i teori og praksis - innovasjon og entreprenørskap - regional utvikling stimulert nedanfrå sett i forhold til stimulans utanfrå. - Utfordringar knytt til rolledeling og samarbeid i det regionale utviklingsarbeid - innbyggjarane, næringslivet, politikarane og administrasjonen - nivåproblemet. - Døme frå regionale utviklingsprosessar, tiltaksarbeid og bygdeutvikling

### ***Samling 4: Organisering - prosjektplanlegging og prosjektarbeid***

Samlinga omhandlar initiering, planlegging, gjennomføring og evaluering av prosjekt i kommunar og anna offentleg verksemd - prosjekt og prosjektorganisering som virkemiddel i regional utvikling og planlegging. Prosjekta sin plass i samfunnsplanlegging - til dømes som del av regionale utviklingsprogram vert illustrert. Teorien blir illustrert med døme på prosjektarbeid/ utviklingsarbeid i regionar, kommunar, lokalsamfunn og organisasjonar. Det er lagt vekt på øvingar i prosjektorganisering og prosjektanalyse.

#### *Innhald*

Det teoretiske grunnlaget for prosjektarbeid. - Kvifor prosjektorganisering - fordelar og ulemper. - Korleis organisere eit prosjekt - internt og forholdet til basisorganisasjonen m.m. - Framdriftsplan og prosjektstyring, milepelar - kritiske løyper. - Evaluering av prosjektframdrift og -resultat. - Forankring til linjeorganisasjon og politiske organ. - Fallgruver ved prosjektarbeid. - Forholdet mellom prosjektarbeid og rullerande planlegging - korleis bruke prosjektarbeid i samband med regional planlegging - forholdet til regionale utviklingsprogram og fylkesplanlegging.

### ***Samling 5: Politikk og strategi - regional framtid - partnerskap***

Kurset tek for seg ulike politiske retningar og strategiar innan regional utvikling og planlegging i spesielt Europa og i Noreg. Forholdet mellom politikk og planlegging for utvikling av regional framtid står sentralt - spesielt kva rolle det regionale nivået kan ha i forhold til lokale, nasjonale og internasjonale strukturar og prosessar - partnerskap med andre aktørar lokalt og nasjonalt. Det er spesielt fokus på interessekonfliktar, men også samarbeidsmoglegheiter mellom aktørar.

Denne samlinga kan ha form av førebuing av ein ekskursjon til eit EU-land.

#### *Innhald*

Regional politikk i fortid, notid og framtid - ulike retningar og strategiar og deira tilknytning til regional utviklings- og planleggingsteori. - Regional politikk og planlegging i Europa - «Regionenes Europa» - sett i forhold til norske tilhøve - strategiar for regional utvikling og erfaringar med slike. - Kommunane og fylkeskommunane som regionalpolitiske aktørar - utviklingstrekk innan tiltaksarbeid og strategisk næringsplanlegging. Refleksjonar over rolla til regional utvikling og planlegging: fortid, notid og framtid.

#### ***Eventuell ekskursjon***

Om eit fleirtal av studentane ønskjer å delta vert det skipa til ekskursjon til eit EU-land for å studere regionalpolitikk og regional planlegging. I 2001 var Irland ekskursjonsmål, 2002 Skotland.

#### ***Repetisjonssamling/eksamensførebuing***

Etter nærare av tale med studentane blir det arrangert ei eiga samling på to dagar der sentrale/vanskelege delar av

pensum blir repetert og drøfta ved at ein går gjennom innhald i og disponerer eventuelle eksamensoppgåver og gjennomgår delar av pensum etter studentane sine ønskje.

### **Pensum**

Modulen har eit pensum på om lag 2500 sider.

#### *Utfordringar for og teoriar om regional utvikling og planlegging*

Pensumlitteratur (bøker der størstedelen er pensum):

Amdam, J. og N. Veggeland (1998): *Teorier om samfunnsplanlegging*. Universitetsforlaget. 230 s.

Amdam, Isaksen og Mattland Olsen 1994: *Regionalpolitikk og bygdeutvikling: Teoretisk drøfting og empirisk belysning av lokale tiltaksstrategiar*. Det Norske Samlaget. 230 sider.

Hansen, J. Chr. og Selstad, T. (1998): *Regional omstilling. Strukturbestemt eller styrbar?* Universitetsforlaget. Oslo.

Nilsson, J-E. 1998: *Blomstrande näringsliv. Krefter och motkrefter bakom förändringar i europeiska och amerikanska regioner*. IVA. ISBN 91-7082-630-7. Stockholm. 230 sider.

#### *Pensumartiklar som inngår i kompendium (kan verte justert):*

Wicken, Olav 1997: Regionenes industrialisering - et historisk perspektiv. 31 s. I Isaksen, A. (red. 1997):

*Innovasjoner, næringspolitikk og regionalpolitikk*. Høyskoleforlaget.

Asheim, B.T. & A. Isaksen (1997): Location, agglomeration and innovation: Towards regional innovation systems in Norway? *European Planning Studies*, 5.3, 299-330.

#### *Ideutvikling - kommunikatív planlegging*

Pensumlitteratur (bøker der størstedelen er pensum):

Amdam, J. og R. Amdam (2000): *Kommunikativ planlegging*. Samlaget. Oslo. 300 s.

Farner, Asle: Ny bok haust 2002 - utdrag.

Healey, P. 1997: *Collaborative Planning. Shaping Places in Fragmented Societies*. Macmillan Press Ltd. London.

Kap. 1, 2, 3, 4, 7, 8, 9 - 245 sider.

Offerdal, A. 1992: *Den politiske kommunen*. Samlaget 1992. s. 8 -55, 89 -105, 65 sider

#### *Pensumartiklar som inngår i kompendium (kan verte justert):*

Healey, Patsy et. al. 1999: Institutional Capacity-building, Urban Planning and Urban Regeneration Projects. I *Futura* vol. 18. no. 3. 20 s.

Eriksen, E.O. 1998: *Kommunikativ ledelse. Om verdier og styring i offentlig sektor*. Bergen: Fagbokforlaget. Kap. 2. 22 s.

Forester, John: *Argument, Power and Passion in Planning Practice*. I Mandelbaum m.fl. 1996.

Bryson, John M. & Barbara C. Crosby: *Planning and the Design and Use of Forums, Arenas, and Courts*. I Mandelbaum m.fl. 1996.

Bolan, Richard S.: *Planning and Institutional Design*. I Mandelbaum m.fl. 1996.

#### *Kapabilitet - forholdet mellom regional utvikling og planlegging*

Litteratur (bøker der størstedelen er pensum): Sjå samling 1 og 2, og i tillegg:

Friedmann, J. 1992: *Empowerment. The Politics of Alternative Development*. Blackwell publishers. Cambridge MA & Oxford UK. 170 sider.

#### *Pensumartiklar og utdrag av bøker som inngår i kompendium (kan verte justert):*

Peter Maskell m. fl. 1998: *Localised Learning and Regional Development*. Routledge. s. 1 - 72.

Törnquist, G. 1997: *Människa, teknik och territorium*. NordREFO 1997:4. 135 sider.

Walter B. Stöhr 1990: *Global Challenge and Local Response*. Mansell. Utdrag s. 1 - 54.

Storper, M. 1997: *The regional world*. New York Kap. 2, 10 og 11. 70 s.

#### *Organisering - prosjektplanlegging og prosjektarbeid*

Aktuell Litteratur (bøker der størstedelen er pensum). Sjå tidlegare samlingar og i tillegg:

Westhagen, H. (1995): *Prosjektarbeid. Styring Organisering Ledelse*. Universitetsforlaget. 160 sider.

#### *Politikk og strategi - regional framtid*

Litteratur (bøker der størstedelen er pensum)

Veggeland, N. 2000. *Den nye regionalismen. Europeisk integrasjon og flernivåstyring*. Fagbokforlaget. Bergen. 167 s.

Dagsaktuelle artiklar m.m. om m.a. ESDP og regional utvikling i EU. Sjå også om m.a. ESDP-perspektiv:  
<http://www.nordregio.a.se/spespn/welcome.htm>

*Pensumartiklar og utdrag av bøker som inngår i kompendium (kan verte justert):*

Friedmann, John: *Two Centuries of Planning Theory: An Overview*. I Mandelbaum m.fl. 1996.

Forester, John: *Planning in the Face of Power*. APA Journal 1982.

Lindblom, Charles E.: *The Science of «Muddling Through»* I Campbell and Feinstein 1996.

Mintzberg, Henry: *The Pitfalls of Strategic Planning*.

Harper, T. L. & S. M. Stein: *Postmodernist Planning Theory: The Incommensurability Premise*. I Mandelbaum m.fl. 1996.

Flyvbjerg, Bent: *Ti udsagn om rasjonalitet og magt*. Kap. 20 i *Rasjonalitet og makt II*. 1991.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [\*\*KATEKETUTDANNING - 4 ÅR \(240 STUDIEPOENG\)\*\*](#)
  - [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [Valfag](#)
  - [KYDIA Diakoni valfag \(30 studiepoeng\)](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERINGS- OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUM](#)

## KATEKETUTDANNING - 4 ÅR (240 STUDIEPOENG)

*Kateketutdanninga er under omarbeiding til ei bachelorgrad. Ei ny kateketutdanning vil vere på plass frå hausten 2003. Studentar som tek til hausten 2002, vil kunna velja mellom den gamle og nye formen av kateketstudiet.*

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Studiet kvalifiserer for arbeidet som kateket. Fullført 4-årig kateketstudium gir full cand.mag.kompetanse, 80 vektal. For dei som frå før har godkjent eksamen i delar av utdanninga t.d. kristendomskunnskap eller pedagogikk, er det høve til innpassing i studiet.

### MÅL

Føremålet med kateketutdanninga er å utdanne kateketar til teneste i kyrkjelyd. Studiet er yrkesretta og omfattar både fagutdanning og praktisk kateketisk utdanning.

### INNHALD

kateketstudiet er samansett av følgjande komponentar:

### VALFAG

Som valfag kan studentane velje mellom relevante halvårseiningar (30 p.).

### KYDIA DIAKONI VALFAG (30 STUDIEPOENG)

Målgruppe: Studentar i kateketutdanninga

### MÅL

Gjennom faget skal studenten få kompetanse til, som kateket, å planleggje og leie undervisning og miljøskapande tiltak som har til føremål å byggje opp kyrkjelyden som eit omsorgsfellesskap.

### INNHALD

Faget er samansett av tre delar: 1. Det teologiske grunnlaget for diakoni, 2. Diakoni i praksis, og 3. Barne- og ungdomsdiakoni.

#### 1. Det teologiske grunnlaget for diakoni (9 studiepoeng)

Faget skal gi innføring i prinsipiell tenking omkring diakonien, ved hjelp av bibelvitenskap, systematisk teologisk drøfting og studium av diakonien si historiske utvikling i den kyrkjelege tradisjonen. Faget skal klargjere korleis diakonien har tolka oppgåva si i kyrkjelyden og i samfunnet og kva for menneske- og samfunnssyn som er impliserte. Faget vil og gi innblikk i diakonien sin status i Den norske kyrkja. Dette inneber drøfting av ulike modellar for teologisk tilrettelegging av diakonien, og ei innføring i ulike diakonisyn. Det blir lagt vekt på å utforme ein teologi om diakonien med utgangspunkt i ei trinitarisk diakoniforståing.

## **2. Diakoni i praksis (6 studiepoeng)**

Faget tek sikte på utvikling av studenten sin personlege og profesjonelle identitet. Gjennom litteratur og samtale i seminar ønskjer vi å skape medvit om kyrkja sitt diakonale ansvar og samanhengen mellom dette og den identiteten som særpregar dei ulike stillingskategoriane i kyrkja.

Diakonal identitet, tenester og oppgåver blir vektlagt med utgangspunkt i det diakonale aspekt ved katekettenesta. Sentrale tema vil vere forkynning av diakoni i kyrkjelyden og utvikling av kyrkjelyden som omsorgsfelleskap.

## **3. Barne - og ungdomsdiakoni (15 studiepoeng)**

Faget vil gi ei innføring i barns oppvekstvilkår og ungdomskulturar i Noreg i dag, med vekt på sosialisering, kultur og læring i forhold til verdiar og holdningar i heim, «gjeng» og samfunn. Problemstillingar knytte til barn og unge i møte med mediasamfunnet, forbrukarkulturen og religion vil bli særleg drøfta. I tillegg vil serskilde problemstillingar knytte til tema som seksualitet (kjønnsroller, homofili, prevensjon, abort, seksuelle overgrep), sjølvbilette, rusmiddelproblematikk, barn og unge i møte med sorg og kriser (ulukke, død og Skilsmisse) og funksjonshemma bli tekne opp.

# **ORGANISERINGS- OG ARBEIDSMÅTAR**

### ***Diakoni og teologi:***

Det blir gitt ein del førelesingar i haustsemesteret. Elles er faget basert på sjølvstudium.

### ***Diakoni og profesjon:***

Undervisninga vil foregå i obligatorisk seminar som vil ha 6 samlingar à 2 timar i vårsemesteret, og som blir leia av ein diakon, kateket eller annan kvalifisert vegleiar. Seminaret skal bygge bru mellom erfaringar frå kyrkjelyd til praksisoppgåve og teori. Elles er faget basert på sjølvstudium og kollokvium.

### ***Barne- og ungdomsdiakoni:***

Undervisning vil skje i form av førelesingar, dagsseminar (bl.a. omsorgssviktseminar), ekskursjonar og gjesteførelesingar. Det blir lagt vekt på personleg oppgåvevegledning i samband med semesteroppgåva.

# **VURDERING OG EKSAMEN**

1. Det blir i vårsemesteret ein individuell skriftleg seks timars eksamen i faget Diakoni og teologi og Diakoni og profesjon. Vekting 50%

2. Kvar student skal skrive ei semesteroppgåve i feltet Barne - og ungdomsdiakoni. Oppgåva skal ta utgangspunkt i emne frå dette pensumet, med supplerande litteratur på minimum 200 sider. Dette skal klargjerast i samarbeid med rettleiar. Oppgåva bør vere på 10-12 maskinskrevne sider. Frist for innlevering er ca 20. januar. Det blir individuell munnleg prøve i Barne- og ungdomsdiakoni i vårsemesteret med justering av karakteren frå semesteroppgåva. Vekting 50%.

Det blir gitt ein samla karakter i faget Diakoni valfag.

# **PENSUM**

### ***Det teologiske grunnlaget for diakonien***

Lindström, Hans-Erik (red): *Handbok för diakoni och samhällsansvar*. Stockholm 1989 s 25-39.

Kjær Nielsen, H: Han elskede os først. Om den bibelske begrundelse for diakoni. Århus 1994, s 11-201.

Mosvold, Kirsti: «Kallets teologi», *Tidsskrift for sjelesorg* 4/1982 (7 s)

Nordstokke, Kjell: Verdensvid tjeneste. En innføring i internasjonal diakoni. Oslo 1994, s 11-30 og 75-122.

Oftestad, Alf (red): *En bok om kirkens diakoni*. Oslo 1980, s 15-54; 58-94; 164-229 og 341-416.

Oftestad, Alf: *Diakonihistorisk kompendium*. Oslo 1983 (12 s).

Oftestad, Alf: *Diakoniens fornyelse*. Oslo 1985 (23 s).

Skjevesland, Olav: Fra anstaltsdiakoni til diakonimenighet? i *Halvårsskrift for praktisk teologi* 2/1989 (15 s).

Skjevesland, Olav: *Huset av levende steiner*. Oslo 1993, del I, III og IV (184 s)

### **Supplerande litteratur**

Brodd, Sven-Erik: *Diakonaten. Från ekklesiologi til pastoral praxis*. Uppsala 1992.  
Kirkerådet: *Plan for diakoni i Den norske kirke*. Oslo 1988.  
Olesen, Elith: *Diakonien i kirkens historie*. Fredericia 1976.  
Stave, Gunnar: *Identitet og integrasjon*. Trondheim 1997.

### **Diakoni i praksis**

Kirkerådet: *Plan for diakoni i Den norske kirke*. Oslo 1987  
Leenderts, Torborg Aalen: *Person og profesjon. Om menneskesyn og livsverdier i offentlig omsorg*. Oslo 1995. Del I og appendiks (109 s).  
Malm, Magnus: *Veivisere*. Oslo 1991 (265 s).  
Skjevesland, Olav: *Huset av levende steiner*. Oslo 1993 Del II (55 s).

#### Supplerande litteratur

Gossner og Wirgenes: *Elsker du meg?* Oslo  
Hallonsten, Sten: *Diakoni - vår tro i handling*. Malmö 1993.  
Kirkerådet: *Diakoni i menigheten*. Oslo 1983/96  
Kirkerådet: *Medarbeiderfostring i menigheten*. Oslo 1990.  
Kirkerådet: *Plan for dåpsopplæring*. Oslo 1992.  
Kirkerådet: «*Tjen Herren med glede.*» Om diakoni og gudstjeneste. Oslo 1993.  
Kirkerådet: *Håndbok for menighetsrådet*. Oslo 1993.  
Malm, Magnus: *I lammets tegn*. Oslo 1996.

### **Barne- og ungdomsdiakoni**

Bjerke, Tore: *Selvord og selvmordsforsøk blant unge*. Trondheim 1991 (100 s).  
Dawn, Marwa J: *Sexual Character. Beyond Technique to Intimacy*. Grand Rapids 1993.  
Ekvik, Steinar: *Tårer uten stemme. Når barn er blant dem som sørger*. Oslo. (100 s)  
Evenshaug/Hallen: *Barne- og ungdomspsykologi*. Oslo 1991. Del 4 (156 s).  
IKO: *Gud gjør ikke forskjell på barn*. Oslo. (50 s).  
Simonnes, Asbjørn: *Møte med barn i sorg og krise*. Oslo 1995. Del II, III og IV (190 s).  
Simonnes, Asbjørn: *When Children are at risk*. Bergen 1996. Part II ( 70 s).  
Simonnes/Gjelsten: *Å vekse opp i eit mediesamfunn*. Oslo 1997. Del II.  
Tidsskrift for sjelesorg 3/1996, s 119-165.  
Weyde, Jorunn E.B: *Elske og ære. Ressursbok for samlivsarbeid i menighet og organisasjon*. Oslo 1996, s 7-139.  
Øia, Tormod: *Norske ungdomskulturer*. Oplandske bokforlag 1994.  
Øia, Tormod (red): *Ung på 90-tallet*. Oslo 1996. Del 1; 5-13 og 15-18 (200 s).

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen





- [KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 1, 30 STUDIEPOENG \(NETTVARIANT\)](#)
  - [innhald](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING](#)
  - [PENSUM](#)

## KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 1, 30 STUDIEPOENG (NETTVARIANT)

### *Nettvariant - Vidareutdanning/fjernundervisning (VU 1)*

Denne fagplanen byggjer på KUFs "Plan for kompetanseutvikling i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering" (av mars 2000, som er ein del av K2000).

Målgruppa er først og fremst allmennlærarar med utdanning frå før L-97 vart innført. Eininga er særleg aktuell for dei som frå før berre har grunntdanning, men også for lærarar med tidlegare vidareutdanning vil ho kunne gi aktuell fagleg og didaktisk oppdatering. Studieeininga skal både kvalifisere for undervisning i KRL-faget etter L-97, og gi grunnlag for vidare studium.

Planen er forplikta på dei "Felles mål for faget" som er lista opp i gjeldande rammeplan for allmennlærerutdanninga:

Studentene skal

- tilegne seg godt innblikk i skolefagets idé og i fagets betydning for individ, skole, kultur og samfunn
- utvikle kyndighet, dyktighet og gode menneskelige forutsetninger for å gå inn i oppgaven som lærer i faget i samsvar med grunnskolens læreplanverk
- tilegne seg vitenskapelig sakssvarende innsikt i sentrale kristendomsfaglige, religionsfaglige og livssynsfaglige emner med norsk virkelighet som viktig referanseramme
- oppøve ferdigheter i å planlegge, gjennomføre og vurdere faglig velfundert og tilpasset opplæring i alle emneområder innen skolefaget
- bli fortrolig med lærerens rolle som kultur- og verdiformidler og som forbilde og omsorgsperson i skolen
- utvikle evne til å stimulere individuell og kulturell identitetsutvikling hos elever med ulike religiøse og livssynsmessige bakgrunn
- utvikle kompetanse i å skape et undervisningsmiljø som fremmer forståelse og respekt, åpenhet og evne til dialog mellom mennesker av ulike livsoppfatning
- tilegne seg innsikt i estetiske uttrykk fra ulike religioner og livssyn, og kunne legge til rette for estetisk opplevelse i opplæringen

- få impulser og utfordringer til faglig og personlig vekst og utvikling» (R-99, s.76).

Kompetansehevsingsplanen delar dei 30 første studiepoenga i vidareutdanninga (VU 1) i to 15 poeng-modular. I denne fagplanen er dei to modulane samordna til ei eining på 30 studiepoeng. Dei 30 studiepoenga er fordelte på seks hovudemne eller målområde, og faginnhaldet i desse vert det gjort greie for i det følgjande:

## **INNHALD**

### ***Fagdidaktikk (3 studiepoeng)***

Under dette hovudemnet vil ein avgrense fagdidaktikken/ religionspedagogikken i høve til generell pedagogikk, og gi innføring i: Sentrale religionspedagogiske grunnlagsproblem, generelle fagdidaktiske spørsmål, og sentrale metodiske tilnærmingar. Studiet skal gi betre innsikt i KRL-faget sin plass og funksjon i grunnskulen, og auke undervisningskompetansen i faget. Fagdidaktiske og metodiske spørsmål med tilknytning til konkrete undervisningsoppgåver vert tekne opp under dei ulike hovudemna.

#### ***Sentrale delemne:***

- Innføring i kristendomsfaget si historie i norsk skule fram til og med KRL-faget i L-97. Det vert lagt særleg vekt på det som er nytt i KRL-faget
- Spørsmål vedrørande verdigrunnlaget for grunnskulen og det generelle oppsødingsansvaret
- Den pedagogiske mandatfordelinga
- Religiøsitet og moral hos barn og ungdom
- Omsyn knytt til barn med framandkulturell bakgrunn
- Målsetjingane for KRL-faget, sett i samband med fritaksspørsmålet og differensiert undervisning
- Innhaldsmomenta i KRL-faget og spørsmål om stoffval
- Evaluering og læremiddelvurdering
- Metodiske spørsmål, med vekt på forteljingsdidaktikk, estetiske uttrykksformer, tverrfagleg samarbeid og tilpassa opplæring

### ***Bibelen (6 studiepoeng)***

Hovudemnet skal gi kunnskap om og forståing for Bibelen som historisk dokument og som grunnleggande kjelde for kristen tru og livstolking. Studiet skal gi oversyn over dei ulike skriftgruppene og sjangrane i Bibelen, og nokre skrifter skal lesast i samanheng. Studentane skal arbeide med elementær tekstanalyse, og øve seg i å sjå bibeltekstene både i kulturhistorisk og bibelteologisk samanheng. Gjennom dette skal dei opparbeide kompetanse til sjølv å legge til rette for arbeid med bibeltekster i grunnskulen.

#### ***Sentrale delemne:***

- GT og NT: Oversyn, litterære sjangrar, kulturhistorisk kontekst og tolkingstradisjonar.
- Nærare studium av 1. Mosebok, Jesaja 1-12 og 40-55, Markus og Efesarbrevet.
- Bibelforteljingar og Bibelen som forteljing.
- Forholdet mellom den jødiske og den kristne bibel.
- Bibelspor i kunst og kultur.
- Bruk av bibeltekster i skulen.

### ***Kristendomshistorie (4,5 studiepoeng)***

Hovudemnet skal gi kunnskap om kristendomen si utbreiing og utvikling frå aposteltida til i dag. Som i skulefaget skal det leggst særleg vekt på trua sine synlege uttrykk i ulike epokar og miljø. Studiet tek føre seg historiske tekster og forteljingar, men også biletkunst, arkitektur og musikk. Av epokane vert det i denne eininga lagt særleg vekt på mellomalderen og reformasjonstida. Gjennom arbeidet med hovudemnet skal studentane verte i stand til å formidle det kristendomshistoriske lærestoffet på ein levande måte.

#### ***Sentrale delemne:***

- Hovudliner i allmenn og norsk kristendomshistorie
- Tru og liv i den eldste kyrkja; illustrert gjennom tekst og forteljing, bilete og arkitektur.
- Monastisk kultur i mellomalderen; illustrert gjennom klosterreglar, klosterarkitektur, liturgi, musikk og helgentradisjonar.
- Reformasjon og motreformasjon: Religiøse ideal og uttrykk i kunst, musikk og kultur.
- Bruk av tekster, bilete, arkitektur, song, musikk eller drama i formidling av kristendomshistoria.

### ***Kristen tru og livstolking (4,5 studiepoeng)***

Studiet av dette hovudemnet skal gi systematisk innføring i dei sentrale lærespørsmåla i dei oldkyrkjelege og reformatoriske vedkjenningskriftene med utgangspunkt i livsspørsmåla slik dei vert stilte av menneska i dag. Emnet bygg såleis vidare på innsikter frå hovudemna *bibelkunnskap* og *kristendommens historie*. I tråd med skulefaget vert det teke utgangspunkt i den lutherske kristendomsforma. Men samtidig skal andre viktige kristendomstolkingar presenterast, særskilt der dei avvik vesentleg frå luthersk forståing. Samanlikning med andre religionar og livssyn - og kristendommen sitt tilhøve til desse - utgjer eit viktig element i dette hovudemnet.

#### ***Sentrale delemne:***

- Kristendommen og religionane
- Gud - eksempeltema: Kan Guds eksistens prøvast?
- Skapinga - eksempeltema: Bibelen og naturvitskapen
- Det vondes problem
- Kristus - kven var/ er han?
- Kristi kross som uttrykk for Guds rettferd og Guds kjærleik
- Treeiningslæra - berre teoretiske spekulasjonar?
- Kristendommen som både gåve og krav (lov og evangelium)
- Vona om ei anna verd - det evige livet

### ***Religionar og livssyn (7,5 studiepoeng)***

Studiet av dette hovudemnet gjeld jødedommen, islam, hinduismen, buddhismen, det aktuelle innslaget av nyreligiøsitet, og dei viktigaste ikkje-religiøse livssynstradisjonane i vår tid. Målet er både å skaffe seg gode kunnskapar om det særeigne for kvar religion og tradisjon, og å kunne bruke eit samanliknande perspektiv på ein innsiktsfull måte. I arbeidet med lærestoffet skal det leggjast vekt på arbeid med forteljingsstoff og tekster og med dei estetiske uttrykksformene. Gjennom dette skal studiet førebu for ei undervisning om religionar og livssyn som både er fagleg forsvarleg og viser omtanke og respekt for elevar med ulik bakgrunn.

#### ***Sentrale delemne:***

- Verdsreligionane jødedom, islam, hinduisme, buddhisme, kinesisk religiøsitet, historikk, aktuell utbreiing, tekster, lære, praksis, høgtider, folkereliøsitet og estetiske uttrykk.
- Nyreligiøsiteten; nyreligiøse rørsler, New Age og endringar i folkereliøsiteten i Vesten.
- Livssynsperspektiva humanisme og naturalisme; idéhistorisk bakgrunn, sentrale tekster og talsmenn, Human-Etisk Forbund i Norge, nyare livssynsdebatt.
- Barn, religiøsitet og livssynsspørsmål; religiøs sosialisering, religionsundervisning og religiøst og livssynsmessig mangfald.

### ***Etikk og filosofi (4,5 studiepoeng)***

Hovudemnet skal gi elementær kunnskap om filosofisk etikk, særleg om etikkhistorie, etiske grunnomgrep, nokre sentrale etiske teoriar og retningar og forholdet mellom kristen og allmenn etikk. I arbeidet med lærestoffet skal det leggjast vekt på å drøfte dei kristne og humanistiske verdiane, på sambandet mellom etiske verdiar og menneskesyn, og på spørsmålet om fellesverdiar på tvers av religionar og livssyn.

#### ***Sentrale delemne:***

- Etikkhistorie med hovudvekt på representantar for den greske filosofien (Sokrates, Platon, Aristoteles), for den kristne etikken i mellomalderen (Thomas) og for etisk filosofi i nyare tid (Luther, Kant, Stuart Mill).
- Etiske grunnomgrep og sentrale teoriar; etikk/moral, norm/verdi, etiske modellar (pliktetikk, sinnelagsetikk, formålsetikk), normativ og deskriptiv etikk, nytteetikk, dygdsetikk.
- Diskusjonen om eit kristent og humanistisk verdigrunnlag og om moglege fellesverdiar i ein pluralistisk kultursituasjon.
- Etiske problemstillingar med døme frå ulike livsområde
- Den etiske oppsedinga i den offentlege skulen.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Vidareutdanninga er lagt opp som fjernundervisning. Det tyder at sjølvstudium vert hovudarbeidsforma i større grad enn ved ordinære høgskuletilbod. Studiet kan takast over to semester, og vert organisert etter ein fastlagd kalender for utlegging av leksjonar og anna materiell på Internett.

### ***Kommunikasjonen mellom student og faglærer***

Studiet er internettbasert. Studentane har kontakt med faglærarane gjennom fagforum på nettet, e-post og telefon.

### **Modular, brev og mappe**

Studiet er organisert i 6 hovudemne/modular er blitt lagt til rette i undervisningsprogrammet ClasFronter. Det vert utarbeidd nettleksjonar for kvar modul. Desse inneheld studierettleiing, ei viss innføring i pensum, repetisjonsspørsmål og forslag til øvingsoppgåver. I tillegg vil det vere eit diskusjonsforum i ClasFronter som vil bli nytta til fagleg arbeid.

## **VURDERING**

### **Arbeidskrav:**

For å kunne gå opp til eksamen skal studentane være aktive i Forum i ClasFronter, og innan 15. februar ha skrive minst 5 faglege innlegg kvar.

### **Mappevurdering:**

I løpet av studiet skal studentane skrive ei oppgåve frå kvar av dei 6 modulane. Oppgåvene vert gjevne av instituttet, og skal leverast i ClasFronter. Koordinator gjer kjent omfang og tidsfristar ved studiestart. Desse oppgåvene er grunnlag for karaktersetting i faget.

### **Munnleg eksamen**

Nokre studentar kan ble trekt ut til munnleg eksamen.

### **Karakter**

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **PENSUM**

### **Fagdidaktikk**

Mogstad, Sverre Dag: *Fag, identitet og fortelling*, Oslo (Universitetsforlaget) 2/1999.

Haanes, Elisabeth: *KRL-faget og tilpasset undervisning på småskoletrinnet*, i Prismet nr. 1/2001.

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L-97) s.9-107.*

### **Bibelen**

Bibelskrifter i samanheng:

Første Mosebok, Jesaja 1-12 og 40-55, Markusevangeliet og Efesarbrevet.

Halse, Per: *Gudsord og menneskeord. Innføring i bibelkunnskap*, Bergen (Fagbokforlaget) 1999, heile boka bortsett frå kap 1.4 og kap 6.

Lied, Sidsel: *Jeg fant, jeg fant ... en bibeltekst. Eleven som forsker og kunstner*, Oslo (IKO-forlaget) 1996

### **Kristendommens historie**

Rasmussen, Tarald og Thomassen, Einar: *Kristendommen. En historisk innføring*, Oslo (Universitetsforlaget) 2000.

Elstad, Hallgeir og Halse, Per: *Illustrert norsk kristendomshistorie*, Bergen (Fagbokforlaget) 2002.

Sidetal i desse eller tilsvarande bøker vert oppgjevne ved studiestart.

### **Kristen tru og livstolkning**

Redse, Arne: *Mennesket i Guds verden. Innføring i kristen livstolkning*, Bergen (Fagbokforlaget) 1999

### **Religionar og livssyn**

Rian, D. og L.G. Eidhamar: *Jødedommen og islam* (Høyskoleforlaget) Kristiansand 1999

s. 11-15, 24-30, 48-64, 67-70, 75-90, 119-225, 227-230, 244-249.

Jacobsen, K.A. og N.R. Thelle, *Hinduismen og buddhismen* (Høyskoleforlaget) Kristiansand 1999, s 38-63, 77-81, 137-139, 140-145, 177-248, 273-276, 277-278, 282, 289-299, 317-330

Redse, Arne, *Kinesisk religiøsitet*, Volda 1995, s 3-32.

Aadnanes, Per M., *Livssyn*, (Tano) Oslo 2002.


### ***Etikk og filosofi***

Hauge, L.S. og Holgernes, B.: *Tankebaner. En innføring i filosofihistorie*, bd-I, Kristiansand (Høyskoleforlaget) 1999, s.38-69, 92-103, 116-121, 138-150, 159-168.

Heiene, G. og Thorbjørnsen, S.O.: *Fellesskap og ansvar*, Oslo 1994, s.17-45, 71-186, 193-232, 251-265.

Myhre, B., Hva bør filosofi i skolen være? i: *Prismet* nr.2-1997, s.51-56.

Jacobsen, J.S., Ulike kilder - én etikk? i: *Prismet* nr.2-1997, s.88-94.

I tillegg maksimum 10 sider utdelt materiale. 

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 2, 30 STUDIEPOENG \(VOLDA\)](#)
  - [Opptakskrav](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)

## KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 2, 30 STUDIEPOENG (VOLDA)

Undervisning i Volda.

Denne fagplanen byggjer på gjeldande rammeplan for allmennlærerutdanninga (fastsett av KUF 01.07.99.), og er forplikta på målsetjingane som er lista opp der (jf. kap 3.5).

### OPPTAKSKRAV

Grunnlag for opptak er 5+5 vektal eller første 10 vektal Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering.

### MÅL

Sjå rammeplanen side 80.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Læringa i faget skjer gjennom sjølvstudium, kollokvering, oppgåveskriving og undervisning. Eit kalendarisk oversyn over undervisninga vert delt ut ved starten av studieåret. I tillegg vil faglærarane presentere meir detaljerte planar over undervisninga i dei ulike hovudemna - med tilråding om kva delar av pensum som bør lesast i dei ulike periodane.

### Undervisningstimar

Ein del av undervisningstimane kan koplast saman med kristendomskunnskap grunnfag og/eller weekendsamlingar for fjernstudiet i Krl-2. Faglærarane vil i undervisninga gje innføring i dei aktuelle fagområda, og ei viss trening i fagleg og pedagogisk metode. Derimot kan ein ikkje rekne med at alt pensumstoffet vert gjennomgått i undervisninga.

### Sjølvstudium

Studentane har sjølve ansvar for å setje seg inn i pensumet. Litteraturstudiet skjer individuelt og evt i kollokviegrupper som ein sjølve tek initiativ til. Faglærarane kan spørjast til råds når det trengst.

### Oppgåveskriving

Ei fagdidaktisk semesteroppgåve er obligatorisk del av studiet. Kvar student vel eit emne som først skal drøftast på reint kristendoms-, religions- eller livssynsfagleg grunnlag, og deretter didaktisk og metodisk med tanke på korleis emnet kan formidlast til elevar i grunnskulen.

Omfanget av oppgåva er omlag 10 maskinskrivne sider. Nærare informasjon vert gjeven av faglærer tidleg i haustsemesteret, og då vert også innleveringsfristen fastsett.

## **INNHALD**

Rammeplanen fordeler dei 10 vektta på 6 hovudemne eller målområde, og faginnhaldet i desse vert det gjort nærare greie for i det følgjande:

### ***Religionspedagogikk og fagdidaktikk (4,5 p.)***

I dette hovudemnet går ein grundigare inn på sentrale religionspedagogiske og fagdidaktiske emne. Studiet skal omfatte viktige undervisnings- og oppsedingsspørsmål knytt til KRL-faget. Grunnleggjande religionssociologisk tematikk vert handsama, og religionspsykologiske perspektiv kan trekkjast inn. Fagdidaktiske og metodiske spørsmål med tilknytning til konkrete undervisningsoppgåver vert tekne opp under dei ulike hovudemna.

*Sentrale delemne:* Religionspedagogiske grunnlagsproblem og ulike grunngevingar og definisjonar av religionspedagogikken som vitenskapleg disiplin. - Nyare religionspedagogisk debatt om skulen si oppgåve som verdiformidlar/ oppsedingsinnsans i eit fleirkulturelt samfunn; tilhøvet til sosialmoralen. - Ulike løysingsmodellar for offentleg religions- og livssynsundervisning i nokre andre europeiske land. - Problem knytt til spørsmålet om livssynsmessig påverknad i skulen i samband med perspektiva orientering/ identitetsstyrking i KRL-faget og andre fag (innanfrå- og utanfrå perspektivet). - Viktige prosessar i religiøs sosialisering. - Vurdering av lærebøker og andre læremiddel i faget.

### ***Bibelen, (6 p.)***

Studiet gjev innføring i ulike eksegetiske metodar i bibelvitenskapen, og syner korleis metodane kan brukast i arbeid med utvalde tekster. I tillegg til grundig kunnskap om Bibelen som historisk og litterært dokument, skal det leggjast vekt på bibelteologiske emne og på tekstene si verknadshistorie som kjelde for tru, moral og livstolking. Med bakgrunn i denne kunnskapen skal ein også drøfte korleis lærarar kan stimulere elevane til bruk av kreative og analytiske evner i arbeidet med bibeltekster.

*Sentrale delemne:* Hovuddrag frå gamaltestamentleg og nytestamentleg kultur- og samtidshistorie. - Ulike eksegetiske metodar og bruken av dei i tolking av følgjande bibeltekster: 1 Mos 1-3; 12,1-9; 2 Mos 3,1-14; 20,1-17; Jes 6; 7,1-17; 11,1-10; 52,13 - 53,12; Sal 8; 22; 23; 46; Luk 1-2; 4; 6; 10,25-42; 14-16; 18; 24; Joh 1-3; 6; Rom 3,21-31; 12-13; 1 Kor 15. - Sentrale bibelske tema og den kristne Bibel som religiøst dokument. - variert og kreativt bruk av bibeltekster i skulen. - Vurdering av bibel-bruken i læreverk for grunnskulen, og korleis barnebiblar formidlar stoffet gjennom tekst og bilete.

### ***Kristendomshistorie (4,5 p.)***

Studiet av dette hovudemnet tek for seg tema og problemområde frå kristendomen si historie og vil klargjere det kristne mangfaldet, kyrkja si samfunnsmessige rolle og innverknad på kunst og kulturliv frå reformasjonen og fram til våre dagar. Det vert lagt vekt på avgjerande hendingar og motsetnader i haldningar og tolkingar som har forma mangfaldet og prega kristendomen si nyare historie

*Sentrale delemne:* Hovudtrekk ved kristne konfesjonar og økumenisk arbeid - med særleg vekt på eitt ikkje-luthersk trussamfunn. - Lutherdomen i Norden og Den norske kyrkja si nyare historie. - Luthersk ortodoksi og pietisme. - Framveksten av frikyrkjene i Noreg og deira stilling i dag. - Kvinna si stilling i ulike periodar av kristendomen si historie. - Hovudtrekk i kristendomen si historie på eit ikkje-europeisk kontinent. - Heilage stadar og heilage rom i kristendomen.

### ***Kristen tru og livstolking (4,5 p.)***

I dette hovudemnet går ein grundigare inn på utvalde sentrale emne i kristen tru og etikk. Utgangspunktet er luthersk tradisjon, men ein legg samtidig vekt på møtet mellom ulike kristne konfesjonar i dag. Samanlikning med andre religionar og livssyn - og kristendommen sitt tilhøve til desse - utgjer eit viktig element i dette hovudemnet.

*Sentrale delemne:* Viktige grunnlagsspørsmål i kristen livstolking. - Kristendommens forståing av andre religionar og livssyn. - Utvalde emne knytt til dei tre trusartiklane. - Sentrale grunnlagsspørsmål i kristen etikk. - Byggje opp etiske resonnement om aktuelle emne og gjere greie for korleis kristen etikk kan møte etiske utfordringar i samfunnet i dag.

### ***Religionar og livssyn (7,5 p.)***

Dette hovudemnet utdjuar nokre område frå den generelle innføringa om religionar og livssyn i KRL-1. I tillegg til ei fordjuping innanfor ein religion eller eitt livssyn, vert det lagt særleg vekt på følgjande tre emneområde:

religionsvitskapelege perspektiv og metodar, religionsmøte, livssynsdebatt og religionskritikk i nyare tid, og nyreligiøse innslag i folkereligjøsitet og ungdomskultur. Målet for hovudemnet er å gje innsikt i og erfaring med analyserande, samanliknande og kritiske perspektiv innanfor religions- og livssynskunnskapen.

*Sentrale delemne:* Elementær innføring i religionsvitskapelege perspektiv og metodar. -Religionsmøte og livssynsdebatt i historie og samtid. Særleg vekt på møtet mellom islam og kristendom og på kristendomskritikken i norsk livssynsdebatt. - Nyreligiøsit, okkultisme og New Age som innslag i folkereligjøsitet og ungdomskultur. - Fordjuping i ein av dei store religionane, oversyn over ulike retningar innanfor denne, med særleg vekt på nyare rørsler.

### **Etikk og filosofi (3 p.)**

Dette hovudemnet utdjuar emne frå moralfilosofi og kunnskapsteori/vitskapsfilosofi. Det vert lagt særleg vekt på filosofar og retningar innanfor nyare moralfilosofi, og på nokre allmenne vitskapsteoretiske problemstillingar. Målet for hovudemnet er å bli kjend med nyare etiske teoriar og vitskapsfilosofiske standpunkt, og å skaffa seg innsikt i aktuell filosofisk drøfting innanfor emneområda etikk og kunnskaps- og vitskapsteori.

*Sentrale delemne:* Systematisk oversyn over moralfilosofien. Etske teoriar. - Utvalde representantar for moralfilosofiske standpunkt: t.d. Aristoteles, Kant, Bentham, Mill, Rawls, Habermas. - Etske resonnement, med døme frå ulike livsområde. - Sentrale posisjonar innanfor moderne vitskapsfilosofi, og representantar for desse, som logisk positivisme (Carnap), kritisk rasjonalisme (Popper) og hermeneutikk (Gadamer). - Forsknings- og vitskapsetiske spørsmål.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Vurderingsordninga er todelt. Den fagdidaktiske semesteroppgåva (jf. ovanfor) tel 20%, og ein avsluttande individuell skriftleg 6-timars eksamen tel 80%.

Det vert nytta bokstavkarakterar på ein skala frå A til F der A er beste karakter og E er siste ståkarakter.

## **PENSUM**

### **Religionspedagogikk og fagdidaktikk**

Afdal, Haakedal og Leganger-Krogstad, *Tro, livstolkning og tradisjon*. Oslo: Tano, 1997. Kap. 2-3 og 6-8 og 13-14. S. 22-73, 125-191, 319-351. 115 sider.

Skrunes, Njål, *Religionspedagogikk for grunnskulen*. Bergen: NLA-Forlaget, 1999. S. 11-61, 50 sider.

Tønnesen, Finn Egil, "Oppdragelse for livet," i Lars Inge Magerøy, red., *Forankring og fornyelse:*

*Kristendomsundervisning i endring* (Oslo: IKO-Forlaget, 1997), 170-181. 11 sider.

Leganger-Krogstad, Heid, "Felles undervisning - ulik tro," i Lars Inge Magerøy, red. *Forankring og fornyelse:* *Kristendomsundervisning i endring* (Oslo: IKO-Forlaget, 1997), 142-156. 14 sider.

Harbo, Sigmund, "Familiens rolle i den religiøse holdningsdannelse," *Prismet*, 5-1990 (225-229). 4 s.

Ådna, Gerd Marie. "Et tydelig eller utydelig møte?," *Prismet*, nr. 5, 1996 (198-204). 7 sider.

Krogseth, Otto, "Religion og identitet," i *Prismet* 3-1996 (99-104). 6 sider.

Karlsaune, Erik: "Kultur - religion - identitet," i E. Karlsaune og D. Rian, red., *Kultur, religion, identitet: Norsk samfunn og skole som møtested for kulturer* (Trondheim: Tapir, 1990), 9-32. 23 sider.

Mogstad, Sverre Dag: Fag, identitet og orteljing: Didaktikk til kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering, 2. utgave (Universitetsforlaget, 1999), 102-109 + 173-200.

Rundskriv F-03-98 frå KUF-departementet av 12.01.98 om "Differensiert undervisning og avgrenset fritak i faget kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering".

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. KUF-dep. 1997. (L97). Generell del og fagplanen for KRL-faget.

### **Bibelen**

Kartveit, M.(red), *Det gamle testamente. Analyse av tekstar i utval*, Oslo 1997, s.11-97, 123-219, 225-272, 284-291, 305-333, 343-359.

Kvalbein, H., *Godt budskap for fattige. Tekster fra Lukas-evangeliet*, Oslo 1981. (ca 120 s)

Norderval, Kristin Molland: *Barnebibelen, i:* *Prismet* nr.1-1996,s.34-40.

Seland, T., *Tekster og tolkninger. Arbeidshefte i bibeltolkning*. HVO 1999 (ca 40s)

### **Kristendomshistorie**

Eit pensum på ca 300 sider vil truleg bli henta frå ei eller fleire av følgjande bøker:

Chadwick, Owen: *Historien om den kristne sivilisasjon*, Oslo 1995 s 240-285



Oftestad, Rasmussen og Schumacher: *Norsk kirkehistorie*, Oslo 1993, s 112-300

Gundersen, Knut: *Visjon og vekst*, Volda 1996, s 7-58 og 115-154

Thomassen, Einar og Rasmussen, Tarald: *Kristendommen. En historisk innføring*, Oslo (Universitets-forlaget) 2000

### **Kristen tru og livstolkning**

Redse, Arne, *Mennesket i Guds verden: Innføring i kristen livstolkning*. Bergen: Fagbokforlaget, 1999. Kap. 1-3 og 6. Ca. 40 sider.

Eit studiedokument frå kommisjonen for "Faith and Order" i Verdskyrkjerådet, Vi bekjenner den ene tro: En økumenisk utlegning av den apostoliske tro, slik den bekjennes i den Nikensk-konstantinopolitanske trosbekjennelse (381). Omsett av Vidar L. Haanes. Oslo: Verbum, 1994. Ca. 110 sider (engelsk utgåve).

Lønning, Per, *Kristen tro*. Oslo: Universitetsforlaget, 1989. s. 38-83. Ca. 45 sider.

Asheim, Ivar, *Mer enn normer: Grunnlagsetikk*. Oslo: Universitetsforlaget, 1994. S. 51-83, 155-173, 225-237. Ca. 60 s.

Lønning, Per, *Respekt for ..* Oslo: Land og Kirke/ Gyldendal, 1974. 9-100 minus "hørebilder". Ca. 80 s.

Brunvoll, Arve, *Vedkjenningskriftene åt Den norske kyrkja*. Oslo: Lunde, 1970. (Hjelpemiddel)

### **Religionar og livssyn**

Eit pensum på ca. 350 sider er henta frå følgjande bøker:

Alver, Bente Gullveig m. fl.: *Myte, magi og mirakel i møte med det moderne*, Oslo 1999, s. 99-147.

Da Silva, António Barbosa, Katrine Ore: *Hva er religionsfenomenologi. En kritisk analyse av religionsstudiet*, Stavanger 1996, s. 1-36.

Brunstad, Paul Otto: *Ungdom og livstolkning. En studie av unge menneskers tro og fremtidsforventninger*, Trondheim 1998, 53-82.

Gilhus, Ingvild, Lisbeth Mikaelsson: *Kulturens refortrylling. Nyreligiøsitet i moderne samfunn*, Oslo 1998, s. 11-75, 151-196.

Opsal, Jan: *Lydighetens vei. Islams veier til vår tid*, Oslo 1994, s. 11-23, 273-312.

Opsal, Jan og Arild M. Bakke: *Mellom kors og halvmåne. Kristne perspektiver på møtet med islam*, Oslo 1994, s. 9-36, 79-91.

Aadnanes, Per M.: *Frå moderne vantru til ny religiøsitet. Norsk livssynsdebatt gjennom hundre år*, Oslo 1988, s. 59-71, 90-97, 163-168, 172-195.

Ved opptak/studiestart skal det i tillegg kunngjerast eit fordjupingspensum innanfor ein av verdsreligionane på ca. 150 sider.

### **Etikk og filosofi**

Eit pensum på ca. 200 sider er henta frå følgjande bøker:

Gilje, Nils og Harald Grimen: *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger*, Oslo 1993, s. 47-79, 142-170.

Thommesen, Bjørn og Jon Wetlesen: *Etisk tenkning. En historisk og systematisk innføring*, Oslo 1996, s. 157-280.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 2, 30 STUDIEPOENG \(NETTVARIANT\)](#)
  - [MÅLGRUPPE OG KOMPETANSE](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)

## KRISTENDOMSKUNNSKAP MED RELIGIONS- OG LIVSSYNSORIENTERING 2, 30 STUDIEPOENG (NETTVARIANT)

Vidareutdanning/Fjernundervisning (VU2)

Denne fagplanen byggjer på rammeplanen av 01.07.99 og "Plan for kompetanseutvikling i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering" (av mars 2000, som er ein del av K2000).

### MÅLGRUPPE OG KOMPETANSE

Målgruppa for studieeininga er allmennlærarar som har 10vt KRL (KRL-1 eller VU-1, eller evt 5+5 vt Kristendomskunnskap med livssynsorientering) frå før. Eininga skal utvide kunnskapane, gi fagleg og didaktisk fordjuping, og i tillegg vere fokusert på faglege prinsippspørsmål og aktuell samtidsrelevans.

### MÅL

Planen er forplikta på dei "Felles mål for faget" som er lista opp i gjeldande rammeplan for allmennlærerutdanninga:

«Studentene skal

- tilegne seg godt innblikk i skolefagets idé og i fagets betydning for individ, skole, kultur og samfunn
- utvikle kyndighet, dyktighet og gode menneskelige forutsetninger for å gå inn i oppgaven som lærer i faget i samsvar med grunnskolens læreplanverk
- tilegne seg vitenskapelig sakssvarende innsikt i sentrale kristendomsfaglige, religionsfaglige og livssynsfaglige emner med norsk virkelighet som viktig referanseramme
- oppøve ferdigheter i å planlegge, gjennomføre og vurdere faglig velfundert og tilpasset opplæring i alle emneområder innen skolefaget
- bli fortrolig med lærerens rolle som kultur- og verdiformidler og som forbilde og omsorgsperson i skolen
- utvikle evne til å stimulere individuell og kulturell identitetsutvikling hos elever med ulik religiøs og livssynsmessig bakgrunn
- utvikle kompetanse i å skape et undervisningsmiljø som fremmer forståelse og respekt, åpenhet og evne til dialog mellom mennesker av ulik livsoppfatning
- tilegne seg innsikt i estetiske uttrykk fra ulike religioner og livssyn, og kunne legge til rette for estetisk opplevelse i opplæringen
- få impulser og utfordringer til faglig og personlig vekst og utvikling»

(R-99, s.76)

### INNHALD

Dei 30 studiepoenga er fordelte på seks hovudemne. Tilsaman 15 av desse omfattar kristendomsfaglege emne, nemleg *Bibelen*, *Kristendomshistorie* og *Kristen tru og livstolking*.. Dei resterande 15 studiepoenga er fordelte på

hovudemna *Religionspedagogikk og fagdidaktikk, Religionar og livssyn og Etikk og filosofi*. Faginnhaldet i desse hovudemna vert det gjort nærare greie for i det følgjande.

### ***Religionspedagogikk og fagdidaktikk (4,5 studiepoeng)***

I dette hovudemnet går ein grundigare inn på sentrale religionspedagogiske og fagdidaktiske emne. Studiet skal omfatte viktige undervisnings- og oppsedingsspørsmål knytt til KRL-faget. Grunnleggjande religionssosialogisk tematikk vert handsama, og religionspsykologiske perspektiv kan trekkjast inn. Fagdidaktiske og metodiske spørsmål med tilknytning til konkrete undervisningsoppgåver vert tekne opp under dei ulike hovudemna.

*Sentrale delemne:* Religionspedagogiske grunnlagsproblem og ulike grunngevingar og definisjonar av religionspedagogikken som vitskapleg disiplin. - Nyare religionspedagogisk debatt om skulen si oppgåve som verdiformidlar/ oppsedingsinstant i eit fleirkulturelt samfunn; tilhøvet til sosialmoralen. - Ulike løysingsmodellar for offentleg religions- og livssynsundervisning i nokre andre europeiske land. - Problem knytt til spørsmålet om livssynsmessig påverknad i skulen i samband med perspektiva orientering/ identitetsstyrking i KRL-faget og andre fag (innanfrå- og utanfrå perspektivet). - Viktige prosessar i religiøs sosialisering. - Vurdering av lærebøker og andre læremiddel i faget.

### ***Bibelen (6 studiepoeng)***

Studiet gjev innføring i ulike eksegetiske metodar i bibelvitenskapen, og syner korleis metodane kan brukast i arbeid med utvalde tekster. I tillegg til grundig kunnskap om Bibelen som historisk og litterært dokument, skal det leggjast vekt på bibelteologiske emne og på tekstene si verknadshistorie som kjelde for tru, moral og livstolking. Med bakgrunn i denne kunnskapen skal ein også drøfte korleis lærarar kan stimulere elevane til bruk av kreative og analytiske evner i arbeidet med bibeltekster.

*Sentrale delemne:* Hovuddrag frå gamaltestamentleg og nytestamentleg kultur- og samtidshistorie. - Ulike eksegetiske metodar og bruken av dei i tolking av følgjande bibeltekster: 1 Mos 1-3; 12,1-9; 2 Mos 3,1-14; 20,1-17; Jes 6; 7,1-17; 11,1-10; 52,13 - 53,12; Sal 8; 22; 23; 46; Luk 1-2; 4; 6; 10,25-42; 14-16; 18; 24; Joh 1-3; 6; Rom 3,21-31; 12-13; 1 Kor 15. - Sentrale bibelske tema og den kristne Bibel som religiøst dokument. - variert og kreativt bruk av bibeltekster i skulen. - Vurdering av bibel-bruken i læreverk for grunnskulen, og korleis barnebiblar formidlar stoffet gjennom tekst og bilete.

### ***Kristendomshistorie (4,5 studiepoeng)***

Studiet av dette hovudemnet tek for seg tema og problemområde frå kristendomen si historie og vil klargjere det kristne mangfaldet, kyrkja si samfunnsmessige rolle og innverknad på kunst og kulturliv frå reformasjonen og fram til våre dagar. Det vert lagt vekt på avgjerande hendingar og motsetnader i haldningar og tolkingar som har forma mangfaldet og prega kristendomen si nyare historie

*Sentrale delemne:* Hovudtrekk ved kristne konfesjonar og økumenisk arbeid - med særleg vekt på eitt ikkje-luthersk trussamfunn. - Lutherdomen i Norden og Den norske kyrkja si nyare historie. - Luthersk ortodoksi og pietisme. - Framveksten av frikyrkjene i Noreg og deira stilling i dag. - Kvinna si stilling i ulike periodar av kristendomen si historie. - Hovudtrekk i kristendomen si historie på eit ikkje-europeisk kontinent. - Heilage stadar og heilage rom i kristendomen.

### ***Kristen tru og livstolking (4,5 studiepoeng)***

I dette hovudemnet går ein grundigare inn på utvalde sentrale emne i kristen tru og etikk. Utgangspunktet er luthersk tradisjon, men ein legg samtidig vekt på møtet mellom ulike kristne konfesjonar i dag. Samanlikning med andre religionar og livssyn - og kristendommen sitt tilhøve til desse - utgjer eit viktig element i dette hovudemnet.

*Sentrale delemne:* Viktige grunnlagsspørsmål i kristen livstolking. - Kristendommens forståing av andre religionar og livssyn. - Utvalde emne knytt til dei tre trusartiklane. - Sentrale grunnlagsspørsmål i kristen etikk. - Byggje opp etiske resonnement om aktuelle emne og gjere greie for korleis kristen etikk kan møte etiske utfordringar i samfunnet i dag.

### ***Religionar og livssyn (7,5 studiepoeng)***

Dette hovudemnet utdjuar nokre område frå den generelle innføringa om religionar og livssyn i KRL-1. I tillegg til ei fordjuping innanfor ein religion eller eitt livssyn, vert det lagt særleg vekt på følgjande tre emneområde: religionsvitskapelege perspektiv og metodar, religionsmøte, livssynsdebatt og religionskritikk i nyare tid, og nyreligiøse innslag i folkereligiøsitet og ungdomskultur. Målet for hovudemnet er å gi innsikt i og erfaring med

analyserande, samanliknande og kritiske perspektiv innanfor religions- og livssynskunnskapen.

*Sentrale delemne:* Elementær innføring i religionsvitskapelege perspektiv og metodar. -Religionsmøte og livssynsdebatt i historie og samtid. Særleg vekt på møtet mellom islam og kristendom og på kristendomskritikken i norsk livssynsdebatt. - Nyreligiøsitet, okkultisme og New Age som innslag i folkereliøsitet og ungdomskultur. - Fordjuping i ein av dei store religionane, oversyn over ulike retningar innanfor denne, med særleg vekt på nyare rørsler.

### **Etikk og filosofi (3 studiepoeng)**

Dette hovudemnet utdjuar emne frå moralfilosofi og kunnskapsteori/vitskapsfilosofi. Det vert lagt særleg vekt på filosofar og retningar innanfor nyare moralfilosofi, og på nokre allmenne vitskapsteoretiske problemstillingar. Målet for hovudemnet er å bli kjend med nyare etiske teoriar og vitskapsfilosofiske standpunkt, og å skaffa seg innsikt i aktuell filosofisk drøfting innanfor emneområda etikk og kunnskaps- og vitskapsteori.

*Sentrale delemne:* Systematisk oversyn over moralfilosofien. Etske teoriar. - Utvalde representantar for moralfilosofiske standpunkt: t.d. Aristoteles, Kant, Bentham, Mill, Rawls, Habermas. - Etske resonnement, med døme frå ulike livsområde. - Sentrale posisjonar innanfor moderne vitskapsfilosofi, og representantar for desse, som logisk positivisme (Carnap), kritisk rasjonalisme (Popper) og hermeneutikk (Gadamer). - Forsknings- og vitskapsetiske spørsmål.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER**

Vidareutdanninga er lagt opp som fjernundervisning. Det tyder at sjølvstudium vert hovudarbeidsforma i større grad enn ved ordinære høgskuletilbod. Studiet går over to semester, og vert organisert etter ein fastlagd kalender for utlegging av leksjonar og anna materiell på Internett.

### **Kommunikasjonen mellom student og faglærer**

Studiet er internetbasert. Studentane har kontakt med faglærarane gjennom fagforum på nettet, e-post og telefon.

### **Modular, brev og mappe**

Studiet er organisert i 6 hovudemne/modular er blitt lagt til rette i undervisningsprogrammet ClasFronter. Det vert utarbeidd nettleksjonar for kvar modul. Desse inneheld studierettleiing, ei viss innføring i pensum, repetisjonsspørsmål og forslag til øvingsoppgåver. I tillegg vil det vere eit diskusjonsforum i ClasFronter som vil bli nytta til fagleg arbeid

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### **Forprøve:**

Som forkrav til å bli vurdert til eksamen skal studentane være aktive i Forum i ClasFronter, og innan 15. februar ha skrive minst 5 faglege innlegg kvar.

### **Mappevurdering:**

I løpet av studiet skal studentane skrive ei oppgåve frå kvar av dei 6 modulane. Oppgåvene vert gjevne av instituttet, og skal leverast i ClasFronter. Koordinator gjer kjent omfang og tidsfristar ved studiestart. Desse oppgåvene gjer grunnlag for karaktersetting i faget.

### **Munnleg eksamen**

Nokre studentar kan ble trekt ut til munnleg eksamen.

### **Karakter**

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **PENSUM**

### **Religionspedagogikk og fagdidaktikk**

Afdal, Haakedal og Leganger-Krogstad, *Tro, livstolkning og tradisjon*. Oslo: Tano, 1997.

Tønnesen, Finn Egil, «Oppdragelse for livet,» i Lars Inge Magerøy, red., *Forankring og fornyelse:*

*Kristendomsundervisning i endring* (Oslo: IKO-Forlaget, 1997), 170-181. 11 sider.

Leganger-Krogstad, Heid, «Felles undervisning - ulik tro,» i Lars Inge Magerøy, red. *Forankring og fornyelse:*

*Kristendomsundervisning i endring* (Oslo: IKO-Forlaget, 1997), 142-156. 14 sider.

### **Bibelen**

Kartveit, M.(red), *Det gamle testamente. Analyse av tekstar i utval*, Oslo 1997, s.11-97, 123-219, 225-272, 284-291, 305-333, 343-359.

Kvalbein, H., *Godt budskap for fattige. Tekster fra Lukas-evangeliet*, Oslo 1981. (ca 120 s)

Norderval, Kristin Molland: *Barnebibelen, i: Prismet nr.1-1996*,s.34-40.

Seland, T., *Tekster og tolkninger. Arbeidshefte i bibeltolkning*. HVO 1999 (ca 40s)

### **Kristendomshistorie**

Eit pensum på ca 300 sider vil truleg bli henta frå ei eller fleire av følgjande bøker:

Chadwick, Owen: *Historien om den kristne sivilisasjon*, Oslo 1995 s 240-285

Oftestad, Rasmussen og Schumacher: *Norsk kirkehistorie*, Oslo 1993, s 112-300

Gundersen, Knut: *Visjon og vekst*, Volda 1996, s 7-58 og 115-154

Thomassen, Einar og Rasmussen, Tarald: *Kristendommen. En historisk innføring*, Oslo (Universitets-forlaget) 2000

### **Kristen tru og livstolkning**

Redse, Arne, *Mennesket i Guds verden: Innføring i kristen livstolkning*. Bergen: Fagbokforlaget, 1999. Kap. 1-6 + 26-28. Ca. 109 sider.

Eit studiedokument frå kommisjonen for «Faith and Order» i Verdskyrkjerådet, Vi bekjenner den ene tro: En økumenisk utlegning av den apostoliske tro, slik den bekjennes i den Nikensk-konstantinopolitanske trosbekjennelse (381). Omsett av Vidar L. Haanes. Oslo: Verbum, 1994.

Lønning, Per, *Kristen tro*. Oslo: Universitetsforlaget, 1989. s. 38-83. Ca. 45 sider.

Brunvoll, Arve, *Vedkjenningskriftene åt Den norske kyrkja*. Oslo: Lunde, 1970. (Hjelpemiddel)

### **Religionar og livssyn**

Eit pensum på ca. 350 sider er henta frå følgjande bøker:

Alver, Bente Gullveig m. fl.: *Myte, magi og mirakel i møte med det moderne*, Oslo 1999, s. 99-147.

da Silva, António Barbosa, Katrine Ore: *Hva er religionsfenomenologi. En kritisk analyse av religionsstudiet*, Stavanger 1996, s. 1-36.

Brunstad, Paul Otto: *Ungdom og livstolkning. En studie av unge menneskers tro og fremtidsforventninger*, Trondheim 1998, 53-82.

Gilhus, Ingvild, Lisbeth Mikaelsson: *Kulturens refortrylling. Nyreligiøsitet i moderne samfunn*, Oslo 1998, s. 11-75, 151-196.

Opsal, Jan: *Lydighetens vei. Islams veier til vår tid*, Oslo 1994, s. 11-23, 273-312.

Opsal, Jan og Arild M. Bakke: *Mellom kors og halvmåne. Kristne perspektiver på møtet med islam*, Oslo 1994, s. 9-36, 79-91.

Aadnanes, Per M.: *Frå moderne vantru til ny religiøsitet. Norsk livssynsdebatt gjennom hundre år*, Oslo 1988, s. 59-71, 90-97, 163-168, 172-195.

Ved opptak/studiestart skal det i tillegg kunngjerast eit fordjupingspensum innanfor ein av verdsreligionane på ca. 150 sider.

### **Etikk og filosofi**

Eit pensum på ca. 200 sider er henta frå følgjande bøker:

Gilje, Nils og Harald Grimen: *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger*, Oslo 1993, s. 47-79, 142-170.

Thommesen, Bjørn og Jon Wetlesen: *Etisk tenking. En historisk og systematisk innføring*, Oslo 1996, s. 157-280.



Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [KRISTENDOMSKUNNSKAP GRUNNFAG, 60 STUDIEPOENG](#)

- [MÅL](#)
- [INNHALD](#)
  - [Kristendomskunnskap G1 \(30 studiepoeng\)](#)
  - [Kristendomskunnskap G2 \(30 studiepoeng\)](#)
- [ORGANISERINGS- OG ARBEIDSMÅTAR](#)
- [VURDERING OG EKSAMEN](#)
- [PENSUM](#)

## KRISTENDOMSKUNNSKAP GRUNNFAG, 60 STUDIEPOENG

### MÅL

Studiet skal gi

- innføring i det vitenskaplege studiet av kristendommen og andre religionar og livssyn, med eit kunnskapsmessig tyngdepunkt i evangelisk-luthersk tru
- utfordringar til vidare arbeid med eigne trus- og livssynspørsmål
- perspektiv på brukssamanhengane for den kristendomsfaglege kunnskapen i skule og kyrkje.

### INNHALD

Studiet er delt opp i to bolkar, kalla G1 og G2. Den første inneheld Bibelfag og Systematisk teologi (truslære og etikk), den andre inneheld Kyrkjarahistorie, Religions- og livssynskunnskap, og Religionspedagogikk med fagdidaktikk.

Dette er først og fremst eit studium av kristendommen, men inkluderer også ei allmenn innføring i religions- og livssynskunnskap. Hovudvekta ligg på kristendommen i historisk og aktuell utforming. Ein studerer såleis kristendommen sitt opphav, utvikling og samtidige former, forholdet til kultur og samfunn i historie og samtid, og møtet med andre religionar og livssyn. Dette sistnemnde punktet knyter også religions- og livssynskunnskapen nærare inn i kristendomsstudiet.

Særmerkt for kristendomsstudiet er spenninga mellom eksistensiell utfordring og nøkternt vitenskapleg arbeid. På den eine sida tek studiet for seg eit materiale som gjer krav på å ha openberringskvalitet. Den utfordringa som ligg i dette kan difor ikkje kvelast utan at studieobjektet mister eigenart. På den andre sida er det same materialet også heilt og fullt uttrykk for menneskelege og historiske forhold. Difor står det ingen andre vitenskaplege metodar til rådvelde enn dei allmenne humanvitenskaplege, hermeneutiske og historisk-kritiske. Utan å underslå dei eksistensielle utfordringane dette fagstoffet representerer, må studiet såleis kvila på ei vitenskapleg tilnærming.

Studiet er inndelt i dei tradisjonelle teologiske disiplinane. Men endå om desse har kvart sitt særpreg både i emne og perspektiv, høyrer dei likevel saman innanfor ein felles faghorisont, der alle gir eit naudsynleg bidrag til den faglege heilskapsforståinga.

### Kristendomskunnskap G1 (30 studiepoeng)

#### *Bibelfag (GT + NT) (18 studiepoeng)*

Bibelen er den grunnleggjande kjelda for kristen tru og livstolking i fortid og notid. Bibelfaga, studiet av det gamle og det nye testamente, er slik og fundamentet for dei andre disiplinane i kristendomsfaget. Bibelen er ikkje berre ei bok, men ei heil samling bøker. Desse har vorte til over lang tid og speglar denne tilkomsthistoria i eit mangfald i innhald og form. Bibelfaga inneheld såleis både litterære, historiske og teologiske komponentar.

**Mål:** Studiet skal gi grunnleggjande innsikt i Bibelen sine litterære uttrykksformer i den historia som tekstane viser til og tolkar, innføring i metodisk tekstarbeid og i teologiske hovudtankar i GT og NT. Bibelfagsstudiet skal slik gi grunnlag for vidare vitenskapelig studium og for bruken av bibeltekstane i forkynning og undervisning.

**Arbeidsmåtar:** Det vert lagt stor vekt på tekststudium, dels gjennom oversynsmessig kjennskap til utvalde tekstbolkar og dels gjennom meir detaljert studium av enkelttekstar. Studentane bør gjere aktiv bruk av eit bibelsk atlas i bibelfagsstudiet. Studentane må og rekne med ei viss mengd sjølvstudium. Det vert gitt undervisning i delar av pensum gjennom førelesingar og seminar. Det vert lagt særleg vekt på trening i ulike tolkningsmetodar og i oppgåveskriving.

### ***Det gamle testamente***

Studiet skal gi grunnleggjande kjennskap til Det gamle testamente som religiøst og historisk dokument. Gjennom arbeidet med utvalde tekstar skal studenten tileigne seg innsyn i gamaltestamentleg teologi, metodiske reiskap til historisk og litterær lesing av skriftene og kjennskap til nokre av tekstene si verknadshistorie. Spørsmål om tekstene sin relevans i dag vil også verte teke opp.

### ***Det nye testamente***

I studiet av Det nye testamente vil det bli lagt vekt på innføring i urkristendommen si historie, og på dei einskilde skriftene sin plass i denne historia. Særleg sentralt her står studiet av 1. Korintarbrief og Romarbriefet, og av evangelia etter Lukas og Johannes. Bibelteologisk er det viktig å få tak i hovedlinene i evangelia og Paulusskriftene.

### ***Systematisk teologi (truslære og etikk) (12 studiepoeng)***

Dei systematiske disiplinane skal gje ei heilskapleg samanfating av dei kristne trus- og moraloppfatningane, med referanse til og i dialog med samtida. Desse disiplinane representerer det mest integrerande perspektivet i faget. Dei dreg såleis vekslar både på bibelfaga og på kyrkjehistorie og konfesjonskunnskap.

Synsvinkelen er i hovudsak evangelisk-luthersk. I truslæra er ei jamføring med andre konfesjonar likevel viktig. I etikken skal ein arbeide både med grunnlagsspørsmål og med ulike aktuelle livsområde.

I dei systematiske disiplinane skal ein også ta opp forholdet til andre religionar og livssyn. Dette knyter desse disiplinane til religions- og livssynskunnskapen.

### ***Studentmapper***

I bibelfag og systematisk teologi (G1) skal studentane ha ein forprøve, og skrive 4 oppgåver i Bibelfag og 2 i Systematisk teologi. Oppgåvene vert gjevne av instituttet, og skal leverast i ClasFronter.

Forprøven vert halden i byrjinga av april, og er krav for å kunne gå opp til eksamen.

Omfang på kvar av oppgåvene skal vere 2500-3000 ord for Bibelfag, og 3000-4000 ord for systematisk teologi.

Koordinator gjer kjent tidsfristar ved studiestart. Oppgåvene er gjenstand for prosessevaluering undervegs, og etter endeleg innlevering vert to av oppgåvene frå Bibelfag og ei frå systematisk teologi trekt ut av instituttet, og desse utgjer grunnlaget for karaktersetting i faget.

## **Kristendomskunnskap G2 (30 studiepoeng)**

### ***Kyrkjehistorie (12 studiepoeng)***

**Mål:** Dette studieemnet skal gi ei historisk forståing både av kyrkja som samfunn og organisasjon, og av kristendommen som religion og lære. Eit viktig mål er å gi bakgrunn for kritisk refleksjon over kyrkja og kristendommen sin situasjon og rolle i samtida.

Disiplinen gjer gjeldande både eit indrekyrkjeleg og eit kultur- og samfunnsrelatert perspektiv. På den eine sida skal kyrkja si eiga utvikling studerast, med vekt på dei ulike tradisjonane og dei skilnader i teologi og lære som har medført strid og splittingsar. Disiplinen inkluderer såleis også både teologihistorie og konfesjonskunnskap. På den andre sida skal kyrkja og kristendommen si rolle i europeisk og norsk kultur- og samfunnsutvikling studerast. Særleg vekt vert det lagt på møtet med religiøse og filosofiske tradisjonar i antikken, på reformasjonen, og på dei utfordringane sekularisering og modernitet har stilt kristendom og kyrkje overfor. Disiplinen føreset difor også eit visst kjennskap til antikk religionshistorie og allmenn filosofihistorie, og knyter samstundes trådar til religions- og livssynskunnskapen.

### ***Religions og livssynskunnskap (9 studiepoeng)***

Dette fagemnet skal gi ei allmenn innføring i både levande verdsreligionar og nyare livsperspektiv i Vesten. Fagperspektivet er difor dels idé- og religionshistorisk og dels religions- og kultursosiologisk.

I religionskunnskapen vert det lagt hovudvekt på jødedom, islam, hinduisme, buddhisme og kinesisk religion, medan livssynskunnskapen fokuserer på humanisme, naturalisme, politiske ideologiar og nyreligiøse og synkretistiske

innslag.

Denne disiplinen skal også gi ein bakgrunn for å forstå kristendommen sin rolle og funksjon i det moderne vestlege livssynsmangfoldet.

### **Religionspedagogikk med fagdidaktikk (9 studiepoeng)**

Undervisninga i kristendomskunnskap, andre religionar og livssyn både i skule og kyrkje må sjåast i samanheng med den totale kulturformidlinga som heimane, lokalmiljøet og mediarøyndommen står for.

Dette fagemnet skal difor gi innsikt i spørsmål knytt til faget Kristendomskunnskap med religions- og livssynskunnskap i skulen og til dåps-, konfirmasjons- og vaksenopplæringa i kyrkja. Det tek såleis opp spørsmål knytt til oppseding, verdiformidling og undervisning i skule og kyrkje. Spørsmål som gjeld religiøs og moralsk mogning, vekst og sosialisering, pedagogisk mandat, målsetjingar og stoffutval i kyrkja og skulen sine læreplanar, og fagdidaktiske problemstillingar knytt både til kristendommen og andre religionar og livssyn, vil bli fokuserte i arbeidet med emnet.

## **ORGANISERINGS- OG ARBEIDSMÅTAR**

### **Undervisning og sjølvstudium**

Undervisninga blir gitt gjennom forelesingar, lærarleidde seminar og gruppearbeid. Ein kan ikkje rekne med at det bli forelese over heile pensum. Studiet inkluderer difor ein god del sjølvstudium. Studentane blir oppmoda om å organisere seg i kollokviegrupper, og instituttet vil hjelpe til med dette.

### **Studiekvalitetstiltak**

Det er utarbeid egne retningslinjer for fagutval for sikring av studiekvalitet. Av denne går det mellom anna fram: Det blir oppretta fagutval for studiekvalitet ved kvar studieeinining ved skulen (studium/fag/emne som skal avsluttast med eksamen). Utvalet skal vere samansett av ansvarleg faglærer og 3 studentar (med vararepresentantar). Ein av studentane er tillitsvald.

Fagutvala skal kunne møtast gjennom heile studieperioden; parallelt med undervisninga skal dei være aktive i evaluering og utvikling av studiet/faget/emnet og vere faglege bindeledd mellom lærar og studentar. Utvala skal opprettast innan 2 veker etter studiestart og ha minst tre møte pr. semester.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### **Vurderingsordninga for G1 og G2 er todelt:**

- a) G1, som omfattar Bibelfag (18 stp.) og Systematikk (12 stp.), blir vurdert på grunnlag av studentmapper (jfr. avsnitt om Studentmapper). Karakterane frå Bibelfag og Systematikk blir slått saman til ein karakter.
- b) G2, som omfattar Kyrkjehistorie (12 stp), Religions- og livssynskunnskap (9 stp.) og Religionspedagogikk (9 stp.) blir vurdert på grunnlag av ein individuell skriftleg eksamen på 8 timar. Oppgåvene skal vere frå eitt eller fleire av fagområda. Dersom svaret på ein av spørsmålet blir vurdert til ikkje stått, må heile eksamen takast opp att.

Karakterane frå G1 og G2 blir slått saman til ein endeleg karakter.

### **Karakter**

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Ved eksamen i kristendomskunnskap grunnfag G2 (Kyrkjehistorie, religions- og livssynskunnskap og Religionspedagogikk med fagdidaktikk), kan følgjande hjelpemiddel takast med:

- a) *Bibelen* i norsk omsetjing frå Det norske Bibelselskap, eller frå Norsk Bibel a/s.
- b) Bibelord og/eller Ord i Bibelen og Navn i Bibelen.
- c) Arve Brunvoll: Den norske kirkes bekjennelsesskrifter / Vedkjenningskriftene åt Den norske kyrkja.
- d) Brynjar Haraldsø: Årstallsliste til kirkehistorien.
- e) Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L-97).
- f) Plan for konfirmasjonstida

Reine understrekingar er tilletne i biblar og i L-97, men ikkje i dei andre hjelpemidla.

## **PENSUM**



### **Pensumtekstar til GT:**

**Mosebøkene (Pentateuken) og dei historiske bøkene:** Her skal studenten ha oversiktsmessig kunnskap til følgjande tekstar: 1 Mos 1-11; 12-37; 2 Mos 1-15; 19,1-20,21; 5 Mos 4,44-8,20; 12,1-14; 26,1-28,46; 34. Josva 4,1-24; 5,2-12. 1 Sam 8-12; 15-16. 2 Sam 5-7. 1 Kong 1,1-2,11; 17-19. 2 Kong 17,1-23; 22-23. Esra 7,1-27. Neh 8,1-12.

**Nærare studium av følgjande tekstar:** 1 Mos 1-3; 12,1-9; 22 og 2 Mos 3,1-4,17; 20,1-17.

**Profetane** (oversiktspensum): Jes 1-12; Jes 40-55; 61,1-7; Jer 1-2; 23,1-8; 31,31-40; 50; Amosboka.

**Nærare studium av følgjande tekstar:** Jes 6; 7,1-17; 9,2-7; 11,1-10; 40: 1-11; 52,12-53,13; 55,1-13; 65,17-25.

**Salmane og visdomslitteraturen** (oversiktspensum): Sal 2, 13, 73, 104, 139; Jobs bok.

**Nærare studium av følgjande tekstar:** Sal 8, 22, 23, 46, 110.

**Apokalyptiske tekster;** Daniel 7 (oversiktspensum)

### **Pensumtekstar til NT:**

**Evangelielitteraturen:** Heile Lukasvangeliet som oversiktspensum, samt av dette nærare studium av kap. 1-4; 6,20-26; 10,25-42; kap. 15-16, 18,1-14; kap. 22-24. Heile Johannesevangeliet som oversiktspensum, samt av dette nærare studium av kap. 1-3; 10-11 og 17.

**Historieverk:** Apostelgjerningane kap. 1,1-21,16 som oversiktspensum.

**Brevlitteraturen:** Romarbrevet kap. 1; 3 og 6-14 som oversiktspensum, av dette nærare studium av kap. 3,21-31; 6; 8 og 12.

1 Korintarbrev kap. 1-2 og 10-16 som oversiktspensum; av desse nærare studium av Kap.1-2; 10-11 og 15.

### **Pensumlitteratur**

Grunnbok til GT:

T. Stordalen og R. Hvalvik, *Den store fortellingen; Om Bibelens tilblivelse, innhold, bruk og betydning*. (Det norske Bibelselskap, Oslo 1999), eller tilsvarende litteratur, t.d.

Hauer, Chr. og W. Young, *An Introduction to the Bible: A Journey into Three Worlds* (New Jersey 1994).

Grunnbok til NT:

T. Stordalen og R. Hvalvik, T. Stordalen og R. Hvalvik, *Den store fortellingen; Om Bibelens tilblivelse, innhold, bruk og betydning* (Det norske Bibelselskap, Oslo, 1999), eller

Noack, Bent, *De første kristne årtier*, (Gads Forlag, København 1991, eller seinare utgåver).

Seland, T.: *Tekster og tolkninger. Innføring i eksegetiske metoder* (hefte, HVO 1999).

Artiklar (GT):

M. Sjeggestad, "Israels historie", i *Norsk Teologisk Tidsskrift* 97 (1996), s.204-218. Storøy, S. "Litteraturen og Israels historie" i Storøy: *Ordet kommer nærmere. Innføring i Bibelen*. Oslo 1986, s. 31-47.

Til tolking av dei gammeltestamentlige tekstane:

Kartveit, M. (red.): *Det gamle testamente: Analyse av tekstar i utval*. Oslo 1997.

Artiklar: S. Storøy, "Jobs bok i GT", og J. Raulin, "Job i evangelisk lys", begge henta frå A. Aarnes (red.): *Herren gav, Herren tok: En essaysamling om Jobs bok ved A. Aarnes og Mette Nygård*, Verbum 1994, s. 87-112.

### **Til tolking av dei nytestamentlege tekstane:**

Kvalbein, H.: *Godt budskap for fattige. Tekster fra Lukasevangeliet*, Oslo 1981. (ca. 120 s.),+ litteratur oppgitt ved semesterstart

Skaaheim, A.: *Johannesevangeliet* (Bibelverket). Oslo 1990, eller

Kysar, R.. John, Minneapolis: Augsburg Publishing House, 1986

Cranfield, C.E.B., *Romans: A shorter Commentary*. T & T Clark, London, 1985,

eller ein kan lese:

Jervell, J.: *Gud og hans fiender*. Universitetsforlaget 1973 (78).

Danbolt, E: *1. Korinterbrev*. Credo Forlag, København, 1986.

### **Handbøker:**

*Ord i Bibelen*. (Utarbeidet av G. Johnstad), Oslo 1987.

*Navn i Bibelen*. (Utarbeidet av G. Johnstad), Oslo 1983, eller tilsvarende ordbøker.

*Evangeliesynopse*. Det norske Bibelselskap, Oslo, 1993.

*Evangeliesynopse*. Det norske Bibelselskap, Oslo, 1993.

### **Systematisk teologi**

Redse, Arne, *Mennesket i Guds verden* (Fagbokforlaget, Bergen, 1999).

Heiene, Gunnar og Svein Olaf Thorbjørnsen: *Fellesskap og ansvar* (Oslo 1994)

Vedkjenningskriftene åt Den norske kyrkja, v/Arve Brunvoll (Oslo 1970).

### **Kyrkjehistorie**

Haraldsø, Brynjar: *Kirke og misjon gjennom 2000 år*, (Oslo 1997).

Oftestad, Bernt T. m.fl.: *Norsk kirkehistorie* (Oslo 1991).

Borgen, Peder og Brynjar Haraldsø (red.): *Kristne kirker og trossamfunn* (Trondheim 1993).

### **Religion- og livssynskunnskap**

Rian, D. & L. Eidhamar, *Jødedommen og islam* (Høyskoleforlaget, Kristiansand, 1995).

Thelle, Notto R. og Knut A. Jacobsen, *Buddhismen & hinduismen* (Høyskoleforlaget, Kr.sand, 1998)

Engen, Thor Ola: *Dobbelkvalifisering og kultursammenligning* (Vallset 1989), s. 77- 95 og 129-144.

Redse, Arne: *Kinesisk religion* (Volda 1995).

Sire, James: *Verdensbilleder* (København 1991), s. 11-129.

Aadnanes, Per M.: *Livssyn* (Oslo 2002).

### **Religionspedagogikk med fagdidaktikk**

Evenshaug, Oddbjørn og Dag Hallen, *Barnet og religionen*, del 1 og 3 (Oslo 1992)

Mogstad, Sverre Dag, *Fag, Identitet og Fortelling* (Oslo, 1999).

KUF: Læreplanverket for de 10-årige grunnskolen, 1996, s. 9-50 og 89-107.

Lied, Sidsel, *Jeg fant, jeg fant... en bibeltekst* (Oslo, 1996).

Simonnes, Asbjørn, *Møte med barn i sorg og krise* (Oslo, 1995), s. 13-62.

Plan for dåpsoplæring i Den norske Kirke (Oslo, 1992).

Plan for konfirmasjonstiden i Den norske Kirke (Oslo, 1998).

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [KRISTENDOMSKUNNSKAP MELLOMFAGSTILLEGG, 30 STUDIEPOENG](#)
  - [OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. Fellesdel \(15 studiepoeng\)](#)
    - [2. Valdel \(15 studiepoeng\)](#)
  - [ORGANISERINGS-, UNDERVISNINGS- OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [LITTERATUR](#)

## KRISTENDOMSKUNNSKAP MELLOMFAGSTILLEGG, 30 STUDIEPOENG

### OPPTAKSKRAV OG KOMPETANSE

Mellomfagstillegget i kristendomskunnskap kan byggjast både på grunnfaget i kristendomskunnskap og på dei to første 10-vektalsstudia i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering i allmennlærerutdanninga (KRL 1 og KRL 2). I begge tilfelle kan mellomfags-tillegget gi grunnlag for vidare studium i fagområdet ved høgskular og universitet.

### MÅL

Målet for studieeininga er å gi fordjupa kunnskap innanfor kristendoms, religions- og livssyns-faglege emne og problemstillingar. Den norske og den vidare vestlege kulturkonteksten i fortid og samtid er ei viktig referanseramme. Det er også eit mål å aktualisere religionspedagogiske og fagdidaktiske perspektiv på fagstoffet.

### INNHALD

Studieeininga er bygt opp av ein fellesdel og ein valdel, kvar med 15 studiepoeng. Fellesdelen omfattar tre hovudemne, nemleg «Livssyn og livstolking» (7,5 studiepoeng), «Teori og metode» (3 studiepoeng), og «Religionspedagogikk og religiøs sosialisering» (4,5 studiepoeng). Valdelen gir høve til å velje mellom fem fordjupingsemne.

#### 1. Fellesdel (15 studiepoeng)

I fellesdelen skal det leggjast hovudvekt på hermeneutiske og kontekstuelle problemstillingar innanfor nyare kristen teologi. Dette krev også innsikt i den allmennkulturelle konteksten for kristendom og kyrkjeliv, og for religiøsitet og livssynsdebatt generelt. Ei innføring i vitskapelege og metodologiske perspektiv innanfor fagfeltet, og i religionspedagogiske utfordringar på dette feltet i skule og kyrkje, høyrer også med her.

#### *Livssyn og livstolking (7,5 studiepoeng)*

Dette hovudemnet skal gi ei generell innføring i hermeneutikk og kontekstuell teologi, og studera desse spørsmåla på bakgrunn av dei samtidige kulturelle og samfunnsmessige forholda. På den eine sida skal det gjevast ei innføring i den religiøse og livssynsmessige problematikken i dag, med særleg vekt på tema som sekularisering og modernitet,

pluralisme og religionsmøte. Og på den andre sida skal det studerast kva denne problematikken har å seie for bibeltolking og kristendomsforståing.

### ***Teori og metode (3 studiepoeng)***

Dette hovudemnet skal gi ei elementær innføring i vitskapsteoretiske spørsmål knytte til fagfeltet. Det gjeld først og fremst diskusjonen om nyare bibelfaglege perspektiv. Men også religionsvitskapelege perspektiv og nyare livssynsforskning høyrer med her.

### ***Religionspedagogikk og religiøs sosialisering (4,5 studiepoeng)***

Dette hovudemnet skal gi ei innføring i debatten om oppvekstvilkåra for barn i ein moderne media- og mangfoldskultur, om kristendoms-, religions- og livssynsundervisninga i skule og kyrkje, og om målsetjinga om å oppsede til åndsfridom og toleranse.

## **2. Valdel (15 studiepoeng)**

Valdelen skal gi høve til ei viss spesialisering i fagfeltet, ved fordjuping i eitt av fem valemne. Til dette emnet skal det knytast ei fordjupingsoppgåve. Oppgåva kan ha eit fagdidaktisk perspektiv på emnet. Det kan veljast mellom følgjande emne:

### ***a. Hovuddrag i Paulus' liv og teologi***

Emnet skal gi innsikt i Paulus' teologi og kva konteksten hadde å seie for denne. Dette blir gjort ved å studere typiske drag ved det samfunnet han levde og verka i, og ved å studere hovuddraga i teologien hans i lys av dette. Emnet har såleis både ein bibelteologisk og ein hermeneutisk profil.

### ***b. Kristendoms- og teologihistorie***

Emnet skal gi innsikt i teologihistoria og kristendommens idéhistoriske utvikling. Særleg vekt skal det leggjast på den teologiske utviklinga i luthersk samanheng frå og med opplysningstida og til i dag.

### ***c. Kyrkje- og konfesjonskunnskap***

Emnet skal gi kunnskap om kristne trussamfunn, kyrkjer og kyrkjedanningar, og om det økumeniske arbeidet i vår tid. Særleg vekt skal leggjast på Den norske kyrkja i samtid og nær fortid, og på innsikt i organisatoriske og strukturelle forhold, i statskyrkjesystemet og diskusjonen om dette, i reformene og rådsstrukturen, og i dei frivillige organisasjonane og forholdet deira til kyrkja.

### ***d. Etikk***

Emnet skal gi eit oversyn over etikkens historie, og innsikt i den etiske debatten i samtida. Hovudvekta skal leggjast på dei utfordringane den moderne samfunnsutviklinga har ført med seg, særleg på utfordringar frå media- og informasjonsteknologi, moderne helsestell og medisin, bioteknologi og økologi.

### ***e. Nyreligiøsitet, okkultisme og New Age***

Emnet skal gi utdjupa kunnskapar om det aktuelle nyreligiøse mangfoldet i Vesten. Det kan studerast på to vis, anten ved eit vanleg litteraturstudium, eller ved eit studium som også inkluderer ein komponent EDB-kunnskap. EDB-varianten av dette valemnet legg særleg vekt på å dyktiggjere studentane i å bruke moderne informasjonsteknologi både i arbeidet med å samle inn informasjon om religions- og livssynskunnskap og i å presentere dette vidare. Det blir såleis gjeve innføring både i å bruke Internett, og i å lage egne presentasjonar i form av web-sider. Fordjupingsoppgåva skal utformast som ei praktisk tilrettelegging av web-sider. Opplegget må inkludere tekst, bilete og aktuelle www-linkar. Oppgåva må leverast inn både som utskriven utgåve på papir og som websider tilgjengeleg på skulens intranett eller på Internett.

## **ORGANISERINGS-, UNDERVISNINGS- OG ARBEIDSMÅTAR**

### ***Organisering***

Dei to delane av studieeininga er uavhengige av kvarandre både når det gjeld undervisning og vurdering. Men ein må ha teke eksamen i begge delane for å få skrive ut vitnemål.

### **Undervisning og rettleiing**

Undervisninga vil normalt gå over eit heilt studieår. Det blir undervist til fellesdelen i haustsemesteret og til vanleg i to av valdelane i vårsemesteret. Ei rullering syter for at det blir undervist i alle valdelane i løpet av tre år.

Emne frå både fellesdel og valdelar blir gjennomgått i førelesingar og seminar. Samtale, dialog og diskusjon er naturlege arbeidsformer.

Kvar student får oppnemnt ein faglærer som rådgjevar ("tutor") i studiet. Denne faglæraren har ansvar for å følgja studenten opp i studiet, først og fremst ved 2-3 rådgjevingstimar pr. semester etter nærare avtale. Rådgjevaren har også ansvar for å gi eller skaffa studenten rettleiing i samband med oppgåveskriving.

### **Heimeoppgåver**

Det er knytt obligatoriske oppgåver til både fellesdelen og valdelen. Desse inngår i vurderingsgrunnlaget.

I fellesdelen skal det skrivast eit essay på ca 3000 ord om eit oppgjeve emne.

Til valemna skal det skrivast ei fordjupingsoppgåve på ca. 6000 ord, med eit litteraturgrunnlag valt i samråd med faglærer/rettleiar. Denne oppgåva kan også ha eit praktisk yrkesretta perspektiv, t.d. med tanke på lærar- eller kateketarbeid.

Oppgåvene skal skrivast under rettleiing av faglærer.

### **Sjølvestudium**

Til emna i både fellesdelen og valdelen er det sett opp litteraturlister. Studentane har ansvar for å skaffa seg den kunnskapen fagplanen definerer ved sjølv å orientera seg i denne litteraturen. Men ein bør også nytta seg av den individuelle rådgjevaren i dette. Studentane blir også rådde til å arbeida i kollokviegrupper.

I samband med både kunnskapstileiing og oppgåveskriving er det viktig å skaffa seg erfaring med informasjonsinnhenting, litteratursøk og kjeldebruk gjennom bibliotek og nettbaserte tenester. I tillegg til ei viss orientering i relevant faglitteratur, bør ein gjera seg kjend med aktuelle oppslagsverk, tidsskrift og internettsider. I samband med oppgåveskrivinga gjeld det også å tileigne seg visse kriterier for vurdering av litteratur og kjelder.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### **Avsluttande vurdering fellesdelen**

1) To kunnskapsprøvar på 1 time kvar

2) Eit essay på ca 3000 ord.

3) Ei avsluttande skriftleg prøve på 3 timar

Kunnskapsprøvene og essayet utgjer til saman ei studentmappe. Mappa og den avsluttande prøva tel 50% kvar i vurderinga av fellesdelen.

### **Avsluttande vurdering valdelen**

1) Ei fordjupingsoppgåve på ca. 6000 ord.

2) Ein avsluttande skriftleg prøve på 3 timar

Fordjupingsoppgåva og den avsluttande prøva tel 50% kvar i vurderinga av valdelen.

Det blir gjeve ein samla karakter for mellomfaget der fellesdel og valdel tel 50% kvar.

### **Karakter**

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

Det er høve til å ta eksamen i både fellesdel og valdelar kvart semester.

### **Hjelpemiddel til eksamen:**

Ved eksamen i kristendomskunnskap mellomfag kan følgjande hjelpemiddel takast med til eksamen:

a) Bibelen i norsk omsetjing frå Det norske Bibelselskap, eller frå Norsk Bibel a/s.

b) Bibelord og/eller Ord i Bibelen og Navn i Bibelen

## LITTERATUR

### **Fellesdel - Livssyn og livstolking**

Gravem, Peder: Artiklar om livstolking, i Prismet 6/1996

Gregersen, Niels Henrik: Teologi og kultur. Protestantismen mellom isolation og assimilation i det 19. Og 20. Århundrede. Århus 1988.

Gustafsson, Göran: Tro, samfund och samhälle. Sociologiska perspektiv. Örebro 1991

Leirvik, Oddbjørn: Religionsdialog på norsk. Oslo 1996

Lundby, Knut: «Norge», i Göran Gustafsson (red.): Religiøs forändring i Norden 1930-1980. Malmö 1985

Baasland, Ernst: Ordet fanger. Bibelen og vår tid. Oslo 1991

Elliott, J.H.: What is Social Science Criticism? Mineapolis, 1993

### **Fellesdel - Teori og metode**

Buck, Lene, m. fl. (red.): Idealer i religion og religionsforskning. København 1997 (Artiklar av Finn Madsen, Mikael Rothstein, Tove Tyberg, Hans Hauge og Armin W. Geertz).

Nissen, Johannes: «Den sociale Hermeneutik», Sigfred Pedersen (red.): Skriftsyn og Metode. Århus 1989 (s. 247-288).

- : «Tekst og Kontekst; Om teksten som kommunikation», Sigfred Pedersen (red.): Skriftsyn og Metode. Århus 1989 (s. 289-307).

Ådna, Jostein: «Hva vil det si å tolke en bibelsk tekst?», Tidsskrift for Teologi og Kirke 65 8/1994, s. 173-186.

Aadnanes, Per M.: «Livssynsforskning - prinsipp og metodar i ei ny forskingsgrein», Tidsskrift for Teologi og Kirke 1999, s. 192-208.

### **Fellesdel - Religionspedagogikk og religiøs sosialisering**

Afdal, Geir m.fl.: Tro, livstolking og tradisjon. Oslo 1997

Brunstad, Paul Otto: Ungdom og livstolkning. En studie av unge menneskers tro og fremtidsforventninger. Trondheim 1998

Gjelsten, Gudmund og Asbjørn Simonnes: Å vekse opp i eit mediasamfunn. Oslo 1997

Hartman, Sven G. og Sten Pettersson: Livsfrågor och livsåskådning hos barn. Stockholm 1980

### **Valdel - Hovuddrag i Paulus' liv og teologi**

Henriksen, Jan-Olav, Tegn, Tekst, Tolke: Teologisk hermeneutikk i fortid og nåtid. Oslo 1994

Seland, Torrey: Paulus i Polis: Paulus sosiale verden som forståelsesbakgrunn for hans forkynnelse. Volda 1998

Sandnes, Karl Olav: I tidens fylde. En innføring i Paulus' teologi. Oslo 1996

### **Valdel - Kristendoms- og teologihistorie**

Allmenn kristendoms- og teologihistorie:

Radler, Alexander: Kristendomens idéhistoria. Från medeltiden till vår tid. Lund 1995

Nyare norsk kristendoms- og idéhistorie:

Aadnanes, Per M.: Frå moderne vantru til ny religiøsitet. Norsk livssynsdebatt gjennom hundre år. Oslo 1988

Hermeneutikk:

Henriksen, Jan-Olav (red.): Tegn, tekst og tolke. Teologisk hermeneutikk i fortid og nåtid. Oslo 1994

### **Valdel - Kyrkje- og konfesjonskunnskap:**

Berentsen, Jan M. m. fl: Missiologi i dag. Oslo 1994

«Liner og kontraster i misjonsforståelsen ved inngangen til et nytt årtusen.» Norsk tidsskrift for misjon 1994, s. 159-170.

Borgen, Peder og Brynjar Haraldsø: Kristne kirker og trossamfunn. Trondheim 1993

Coote, Robert: "Lausanne II and World Evangelization." International Bulletin of Missionary Research 1990, s. 10-17.

Gundersen, Knut: Visjon og vekst. Volda 1996

Lausanne-pakten og Thailand-erklæringen.

Oftestad, Bernt T: Den norske statsreligionen. Kristiansand 1998

«Ole Hallesby og Ludvig Hope som kirkelige strateger». Kirke og kultur 1986, s. 215-229.

Simonnes, Asbjørn: «Features of the Charismatic Movement». Tidsskrift for kirke, religion og samfunn 1995, s 211-223.

Ung Teologi 2/1997

### **Valdel - Etikk**

Etikk-historie og tema frå prinsipiell etikk:

Christoffersen, Svein Aage: «Kristen etikk», Kjell Eyvind Johansen (red.): Etikk - en innføring. Oslo 1994

Thommesen, Bjørn og Jon Wetlesen: Etisk tenkning. En historisk og systematisk innføring. Oslo 1996

Medie- og informasjonssamfunnet:

Gjelsten, Gudmund og Asbjørn Simonnes: Å vekse opp i eit mediesamfunn. Oslo 1997

Kemp, Peter: Det uerstattelige. En teknologi-etikk. Oslo 1996

Forbrukarkultur, økologi og miljøkrise:

Forbrukersamfunnet som etisk utfordring. En utredning for Bispemøtet. Oslo 1993

Ariansen, Per og Jon Wetlesen: «Miljøfilosofi», Kjell Eyvind Johansen (red.): Etikk - en innføring. Oslo 1994

Bioteknologi, medisin og helse:

Kemp, Peter: Det uerstattelige. En teknologi-etikk. Oslo 1996

Saugstad, Jens: «Abort», Kjell Eyvind Johansen (red.): Etikk - en innføring. Oslo 1994 (s. 280-317)

### **Valdel - Nyreligiositet, okkultisme og New Age**

Litteratur for lesevarianten:

Arlebrand, Håkan: Det ukjente. Om okkultisme og åndelighet i en ny tidsalder. Oslo 1993.

Rothstein, Mikael: Gud er blå. De nye religiøse bevegelseser. København 1997.

Gilhus, Ingvild og Lisbeth Mikaelsson; Kulturens fortrylling. Nyreligiositet i moderne samfunn. Oslo 1998

Aadnanes, Per M.: Det nye tusenårsriket. New Age som livssyn. Oslo 1997

Litteratur for EDB-varianten:

Arlebrand, Håkan: Det ukjente. Om okkultisme og åndelighet i en ny tidsalder. Oslo 1993

Gilhus, Ingvild og Lisbeth Mikaelsson; Kulturens fortrylling. Nyreligiositet i moderne samfunn. Oslo 1998

Aadnanes, Per M.: Det nye tusenårsriket. New Age som livssyn. Oslo 1997

I tillegg kjem egne søk på Internett.

Generell innføring i bruk av Internett:

Maribu, Geir: Internett. Tapir, Trondheim 1999.

Bruk av Internett spes. med omsyn til opphavsrett:

Wagle, Anders Mediaas og Magnus Ødegaard jr.: Opphavsrett i en digital verden. Oslo 1997

Søking på Internett:

<http://www.hist.uib.no/hit/oppgaver/altavista.html>

Søkjeverktøy på Internett:

<http://www.hist.uib.no/hit/oppgaver/soketen.htm>

Bruk av Netscape:

<http://www.hist.uib.no/hit/oppgaver/netscape/>

HTML-koding:

A Beginners Guide to HTML:<http://www.sirius.com/~paulus/html30.html>

Guide to good practice for web authors:

<http://www.man.ac.uk/MVC//SIMA/Isaacs/title.html>

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [KRISTENDOMSKUNNSKAP OG MENIGHETSARBEID - MED VEKT PÅ UNGDOMSARBEID, 60 STUDIEPOENG](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. Kristendomskunnskap G1 \(30 studiepoeng\)](#)
    - [2. Praktisk-kateketisk studium \(PK 1 KULS\), \(30 studiepoeng\)](#)
  - [KYMD Musikk og drama i kristeleg ungdomsarbeid, 15 studiepoeng](#)
    - [MÅLGRUPPE](#)
    - [MÅL](#)
    - [INNHALD](#)
    - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
    - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
    - [PENSUMLITTERATUR](#)

## **KRISTENDOMSKUNNSKAP OG MENIGHETSARBEID - MED VEKT PÅ UNGDOMSARBEID, 60 STUDIEPOENG**

Kurstype: Grunnkurs

Forkunnskap: Generell studiekompetanse

Koordinator Jan Ove Ulstein

### **MÅL**

Hovudmåla for kristendomsstudiet er å gi:

- innføring i det vitskapelege studiet av kristendommen
- utfordringar til vidare arbeid med eigne trus- og livssynsspørsmål
- perspektiv på brukssamanhengane for den kristendomsfaglege kunnskapen

Hovudmåla for det praktisk-kateketisk studiet er å gi

- trening i kyrkjeleg arbeid
- perspektiv på strategi i kristent arbeid
- handlingskompetanse

### **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Studiet er samansett av halvparten av kristendomskunnskap grunnfag (G1), og halvparten av Praktisk-kateketisk årsstudium (ein variant av PK1), og blir arrangert i nært samarbeid med ein kristeleg organisasjon.

I dei teoretiske faga er arbeidsforma ein kombinasjon av førelesingar, gruppearbeid eller seminar, og individuelt studium. Det blir lagt vekt på sjølvstendig arbeid.

Litteraturen til dei einskilde faga er gjerne lista opp i to hovudgrupper: pensumlitteratur og støttelitteratur med handbøker. Utelating av einskilde avsnitt og kapittel i pensumlitteraturen er her ikkje alltid oppgitt. Der bøkene har kome i fleire opplag, kan også seinare utgåver nyttast. Etter avtale kan også tilsvarende pensumlistar veljast. Når det er nødvendig, kan det bli endringar i pensumlitteraturen på kort varsel.

### **INNHALD**

Særmerkt for kristendomsstudiet er spenninga mellom eksistensiell utfordring og nøkternt vitskapeleg arbeid. På den eine sida tek studiet for seg eit materiale som gjer krav på å vere openberrig. Den utfordringa som ligg i dette kan



difor ikkje kvelast utan at studieobjektet mister eigenart. På den andre sida er det same materialet også heilt og fullt uttrykk for menneskelege og historiske forhold. Difor står det ingen andre vitenskaplege metodar til rådvelde enn dei allmenne humanvitenskaplege, hermeneutiske og historisk-kritiske. Utan å undersøke dei eksistensielle utfordringane dette fagstoffet representerer, må studiet såleis kvila på ei vitenskapleg tilnærming.

## **1. Kristendomskunnskap G1 (30 studiepoeng)**

Bibelfag (GT + NT) 18 studiepoeng og Systematisk teologi (truslære og etikk) 12 studiepoeng. For mål, innhald, pensum, organisering og arbeidsmåtar - sjå under Kristendomskunnskap grunnfag.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

Det blir halde ein individuell skriftleg eksamen i G1. Den omfattar Bibelfag (18 studiepoeng) og Systematisk teologi (truslære og etikk), (12 studiepoeng), og er på 8 timar. Oppgåvene kan vere frå eit eller fleire av fagområda, og kan vere utforma som eit eller fleire oppgåvespørsmål. Dersom svaret på eit av spørsmåla blir vurdert til ikkje stått, må heile eksamen takast opp att.

For tillatne hjelpemiddel under eksamen: sjå under Kristendomskunnskap grunnfag.

## **2. Praktisk-kateketisk studium (PK 1 KULS), (30 studiepoeng)**

Kristen forkynning, 9 studiepoeng og Praksis, 21 studiepoeng. For mål, innhald, pensum, organisering og arbeidformer - sjå under Praktisk-kateketisk årsstudium.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

PK1 har ei tredelt evaluering.

- a) 80% frammøte i faget Kristen forkynning med sjelesorg
- b) godkjenning av dei praktiske øvingane
- c) skriving av semesteroppgåve

Det blir gitt eit praksissertifikat. Praksisperiodane blir evaluert av praksisrettleiar. Evalueringa frå praksisrettleiar gjeld dels på korleis studenten utfører sine konkrete oppgåver og plikter i løpet av praksisen, og dels på korleis studenten fungerer i relasjon til stab, medarbeidarar og organisasjon.

Dersom studenten ikkje får godkjent praksisen, skal både praksisrettleiarane, faglærer i Kristen forkynning og fagleg ansvarleg for praksisperioden vere samde.

Problemstilling for semesteroppgåva skal vere godkjent av faglærer. Oppgåva skal drøfte erfaringar frå praksisen med teori om kyrkjeleg eller anna kristeleg verksemd.

## **KYMD MUSIKK OG DRAMA I KRISTELEG UNGDOMSARBEID, 15 STUDIEPOENG**

Kurstype: Grunnkurs

Forkunnskap: Generell studiekompetanse

Fagansvarleg: Jan Ove Ulstein

### **MÅLGRUPPE**

Målgruppa er studentar i KULS-utdanninga, som del av kyrkjeleg utdanning. Valfaget kan også tilpassast andre målgrupper, t.d. innan kyrkjeleg utdanning eller tilsette i kyrkje og organisasjon.

### **MÅL**

Å gjere studenten medviten om og gi trening i å bruke aktivitetsformer som drama og musikk i ungdomsarbeid innan kyrkje eller frivillig organisasjon. Aktivitetane har ein grunnleggande fagleg basis i drama- og musikkdidaktikk, og siktar på å utvikle innsikt i arbeidsmetodar i kyrkjeleg arbeid, som ledd i fagleg fundert handlingskompetanse.

### **INNHALD**

Faget er ei innføring og ein praksis i musikk og drama som kreativ prosess og sosial aktivitet. Faget gir ei felles forståing for estetiske prosessar i drama- og musikkdidaktikk, knytt til det kulturelle, og utviklar praktiske ferdigheiter med basis i fagleg innsikt.

Faget gir forståing for korleis musikk og drama kan brukast i kristeleg ungdomsarbeid. Det skjer med utgangspunkt i ei drøfting av Ten Sing-konseptet sin kreativitetsmetodikk i relasjon til ungdomskulturen, og til møte mellom kulturar. Kulturaspektet får stor vekt.

Følgjande deltema vil vere sentrale:

Ei innføring i musikk og teaterdidaktikk. - Musikk/drama som fag og arbeidsmetode. - Å arbeide mot et forestilling/eit program. - Musikk og identitet. - Musikk og verdiar. -Kultur møte. - Ungdom og (internasjonal)

ungdomskultur. - Det musiske mennesket og ungdomsarbeid. - Ungdom og livsstolking. - Strategi og metode i kriteleg ungdomsarbeid.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Metodikken er den same som i musikk- og dramapedagogikk, med tilrettelegging for den spesielle målgruppa, med førelesingar, instruksjon og øvingar, utøvande praksis (prosjekt) i samsynet mellom estetisk prosess og arbeidsform i kriteleg arbeid.

Konkret undervisningsplan vil bli utarbeidd for kvart høve. Det vil skje kontinuerleg instruksjon med øvingar. Prosjektdelen skal avtalast særskilt. For Ten Sing Norway sitt vedkomande er showet/konserten prosjektdelen av opplegget.

Det dreier seg om eit nært forhold mellom teori og praksis, der ein både lærer om konseptet og reflekterer over det i relasjon til praksis. Opplegget krev eit nær samarbeid med praksisinstruktørane

Faget krev ikkje meistring av instrument.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

Avsluttande vurdering vert gjort på grunnlag av prosjektoppgåve

For å kunne få avsluttande vurdering må studenten ha hatt 80% frammøte i undervisning og instruksjon, og vore med på å førebu og gjennomføre eit prosjekt.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **PENSUMLITTERATUR**

Hernes, Leif m.fl.: *Teaterproduksjon 1 og 2*, Tell forlag 1996. 168 s.

Reistad, Helge, (red.), *Regikunst* Tell Forlag 19993, s. 133-182.

Ruud, Even: *Musikk og verdier*, Universitetsforlaget 1996, s. 15-60; 110-147.

Ruud, Even: *Musikk og identitet*, Universitetsforlaget 1997, s. 45-215.

Braanaas, Nils: *Dramapedagogisk historie og teori*, Tapir, Trondheim, 1999, s. 223- 243; 257-271.

Nesje, Ottar: *Ten Sing og det musiske mennesket*, Hovedfagsoppgåve i musikk. 140 s.

Dahl, Øyvind m.fl.: *Møte mellom kulturer. Tverrkulturell kommunikasjon*, Universitetsforlaget 1992, 172 s.

Brunstad, Paul Otto: *Ungdom og livstolking. En studie av unge menneskers tro og fremtidsforventninger*. Trondheim 1998, s.1-38 og s.53-82.

Heggen, Kåre: «*Ungdomsforskning og framtidbilette.*» Tidsskrift for Kirke, religion og Samfunn 1-2/1998, s.15-30.

Ulstein, Jan Ove (red.): «*Alle mine kjelder er i deg.*» Ei ressursbok for Ten Sing. Volda 1991, 144 s.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



---

- **ÅRSSTUDIUM I KYRKJELEG ADMINISTRASJON, 60 STUDIEPOENG**

- [Mål](#)
- [Karakterutskrift](#)
- [Opptakskrav](#)
- [Organisering og arbeidsmåtar](#)
- [Strategisk kyrkjekunnskap \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Mål](#)
  - [Organisering og arbeidsmåtar](#)
  - [Innhald](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
- [Kyrkjerett og arbeidsrett \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Mål](#)
  - [Organisering og arbeidsmåtar](#)
  - [Innhald](#)
  - [Vurdering og eksamen.](#)
- [Kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Mål](#)
  - [Organisering og arbeidsmåtar](#)
  - [Innhald](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
- [KYRKJELEG LEIING \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Mål](#)
  - [Organisering og arbeidsmåtar](#)
  - [Innhald](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
- [Prosjektoppgåve m/fordjupingspensum \(15 studiepoeng\)](#)
  - [Mål](#)
  - [Organisering og arbeidsmåte](#)
  - [Innhald](#)
  - [Vurdering](#)
- [Pensumlitteratur](#)
  - [Pensumslitteratur til kvar av modulane](#)

---

## ÅRSSTUDIUM I KYRKJELEG ADMINISTRASJON, 60 STUDIEPOENG

### Mål

Føremålet med studiet er å gi utdanning til personar som til dagleg arbeider med kyrkjeleg administrasjon. Anten dette er som kyrkjeverje, dagleg leiar ved kyrkjeleg fellesråd sin administrasjon eller i andre administrative stillingar i kyrkja.

Studiet er sett saman av fire modular på 15 studiepoeng. Dei tre første modulane skal studentane velje mellom dei einingane Høgskulen gjev tilbod om. Eventuelt kan ein student etter søknad velje å erstatte ein eller fleire av dei

første modulane med anna utdanning. Kravet er at også denne utdanninga har klar relevans for kyrkjeleg administrasjon. Den siste modulen, prosjektoppgåva, er alltid obligatorisk for dei som ynskjer vitnemål på årsstudium i kyrkjeleg administrasjon. For studentar som tek fleire modular, anbefaler ein å starte med '*Strategisk kyrkjekunnskap*'.

## **Karakterutskrift**

Studentar som berre tek nokre av modulane kan få karakterutskrift av eksamensresultatet.

Studentar som gjennomfører fire modular kan ei samla karakterutskrift for årsstudium i kyrkjeleg administrasjon, 60 studiepoeng.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **Opptakskrav**

Opptakskravet er generell studiekompetanse. Alternativt kan ein søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse. Kravet er då fylte 25 år og minimum 5 års yrkespraksis. Av desse må 3 år vere innan kyrkjeleg, kommunal og/ eller kristeleg verksemd.

## **Organisering og arbeidsmåtar**

Studiet blir i utgangspunktet gjennomført desentralisert i samarbeid med regionale kyrkjelege organ, hovudsakleg bispedømeråd og lokalforeiningar av kyrkjevjerlaget. Kvar av dei første modulane vil ha fleire undervisningssamlingar, kvar på tre eller fire dagar. Den siste modulen vil ha ei undervisningssamling. I tillegg blir det innan denne modulen gjeve tilbod om rettleiing i oppgåveskriving. Strategisk kyrkjekunnskap vert hausten 2002 også gjennomført som nettstudium.

## **STRATEGISK KYRKJEKUNNSKAP (15 STUDIEPOENG)**

### **Mål**

Modulen skal gi studentane ei forståing av tilhøvet mellom kyrkja og samfunnet frå teologisk, samfunnfagleg og praktisk-kyrkjeleg synsstad.

### **Organisering og arbeidsmåtar**

- a) Enten med 2 kurssamlingar på 4 dagar i samarbeid med ein regional aktør.
- b) Eller som nettstudium med 5 (emne-)kurs kvar på 5-6 leksjonar .

### **Innhald**

Dette omfattar emne som samfunnskunnskap, kyrkjekunnskap, ekklesiologi, frivillige organisasjonar sin plass i kyrkja, kyrkja sin identitet, samarbeid med instansar i lokalsamfunnet, kall og arbeidsformer.

Særleg vekt blir lagt på forståinga av den kyrkjelege administrasjonen som ein del av lokalkyrkjelyden si totalte verksemd, og på forståinga av kyrkjevjerja som ein kyrkjeleg leiar.

### **Vurdering og eksamen**

Individuell skriftleg eksamen på 5 timar.

## **KYRKJERETT OG ARBEIDSRETT (15 STUDIEPOENG)**

### **Mål**

Modulen skal gi studentane grunnleggande innsikt i forvaltningsrett, kyrkjerett og arbeidsrett.

## **Organisering og arbeidsmåtar**

3 kurssamlingar på 3 dagar i samarbeid med regional aktør.

### **Innhald**

Modulen er sett saman av tre kurs; forvaltingsrett, kyrkjerett og arbeidsrett.

Kurset i forvaltningsrett skal gi studentane kjennskap til ein del hovudtrekk i gjeldande kommunal forvaltningsrett. Særleg vekt blir lagt på forståinga av dei grunnleggjande forvaltningsmessige prinsippa og dei krav som i dag blir stilt til ein forsvarleg sakshandsaming i forvaltningsprosessen. Emne som legalitet, habilitet, enkeltvedtak, offentlegheit, klagebehandling og kontradiksjon blir handsama.

Kurset i kyrkjerett gir ei generell innføring i Den norske kyrkja sitt konfesjonelle og rettslege grunnlag, der Lov om Den norske kyrkja blir særleg fokusert. Sentrale område vil være kyrkjeordninga, tilhøvet mellom ulike styringsorgan i kyrkja, kyrkjeleg fellestråd og sokneråd sine ansvars- og kompetansefelt, stoda for dei ulike kyrkjelege tenestegrupper ut frå den nye kyrkjelova.

Kurset i arbeidsrett skal gi kunnskap om omgrep, hovudtrekk og særpreg for arbeidsretten. Ein fokuserer på rolla til fellestråd og sokneråd som arbeidsgivar, og dei plikter som dette legg på kyrkjelyden. Hovudvekta vil ligge på dei lover som regulerer arbeidslivet, men ein vil også gå inn på avtaleverket i arbeidslivet.

### **Vurdering og eksamen.**

Individuell skriftleg eksamen på 5 timar.

#### ***Hjelpemiddel til eksamen***

Til eksamen skal kandidaten ha med seg:

##### *Lovsamlinga (Norges lover)*

Kirkerådet: Lovsamling for Den norske kirke - Lover, forskrifter, regler, ordningar og bestemmelse.

Kandidaten kan erstatte Norges lover med særtrykk av lover (utan kommentarar). Trykte hjelpemiddel skal vere frie for private notat utenom merkingar.

## **KYRKJE- OG KYRKJEGARDSFORVALTING (15 STUDIEPOENG)**

### **Mål**

Modulen vil gi ei grunnleggjande innføring i drift og forvaltning av kyrkjer og kyrkjegardar.

## **Organisering og arbeidsmåtar**

3 kurssamlingar på 3 dagar i samarbeid med regional aktør.

### **Innhald**

Dei tre kursa vil ta opp tema knytt til tilhøve som anlegg, drift og vedlikehald av bygningar og kyrkjegardar, så som kva lover og føresegner som regulerer verksemda, økonomiske og tekniske bindingar på verksemda, og tilhøvet til brukarane. Dette inkluderer også spørsmål om helse, miljø og sikkerhet (HMS) og forskrift om internkontroll.

### **Vurdering og eksamen**

Individuell skriftleg eksamen på 5 timar.

#### ***Hjelpemiddel til eksamen***

Til eksamen skal kandidaten ha med seg:

*Lovsamlinga (Norges lover)*

Kirkerådet: Lovsamling for Den norske kirke - Lover, forskrifter, regler, ordninger og bestemmelse.

Kandidaten kan erstatte Norges lover med særtrykk av lover (utan kommentarar). Trykte hjelpemiddel skal vere frie for private notat utenom markeringar.

## **KYRKJELEG LEIING (15 STUDIEPOENG)**

### **Mål**

Gjennom arbeidet med modulen skal deltakarane utvikle innsikt i kyrkja som organisasjon og kyrkja som arena for leiing. Det vert lagt særlig vekt på ei fordjuping i leiingsfag og korleis organisasjons- og leiingsteori kan nyttast som analyseverktøy. Modulen har som mål å:

- Gi ei innføring i organisasjons- og leiingsteoriar
- Utvikle studentane sine personlege leiareigenskapar
- Gi rettleiing på kyrkjeverja si eiga leiarrolle ut frå aktuell praksis

### **Organisering og arbeidsmåtar**

Modulen vert gjennomført over 4 samlingar med til saman 15 dagars lengd. Kvar samling vil bli lagt opp slik at det samla vert 50 timar til undervisning og 30 timar til rettleiing i grupper. Undervisningsdelen inkluderer ein seminarandel, der tema frå undervisninga vil bli fylgt opp i form av diskusjonar, gruppearbeid knytt til case og presentasjon av tema frå deltakarane si side.

Kurssamlingane legg vekt på å stimulere deltakarane langs fylgjande hovudlinjer:

- Undervisning som gir teoretisk innføring i organisasjon og leiing
- Rettleiingsgrupper som bidrag til praksis- og dugleiksutvikling av eiga leiarrolle

### **Innhald**

#### ***Undervisning***

Undervisninga skal gi deltakarane eit solid teoretisk grunnlag for si utøving av leiing i den lokale kyrkje. Det vert forventa at deltakarane arbeidar sjølvstendig med teorigrunnlaget og kjem med presentasjonar i plenum.

#### ***Hovudtema i undervisninga vil vere:***

Leiarrolla - omgrep og avklaringar

Kjønnsroller i organisasjon og leiing

Grunnleggande organisasjonsforståing og kyrkjeforståing

Rammevilkår for leiing i Den norske kyrkje

Avklaring av kyrkjeverja/ daglig leiar si leiarrolle

Samspill og konflikt - førebygging og konfliktløsning

Plan og utviklingsarbeid

#### ***Rettleiingsgrupper***

Arbeidet i rettleiingsgrupper skal gje deltakarane tyngde i rettleiing i relasjon til eigen praksis. Ein forventar difor med at deltakarane har leiarstilling, eller i det minste ei sjølvstendig administrativ stilling, og at dei investerer tid og merksemd i handsaming av praksis.

Rettleiinga skjer i relasjon til eiga leiarrolle og leiarpraksis. Rettleiinga vil vere orientert mot:

Samspelet mellom leiar og medarbeidarar

Organisasjonsforståing - kyrkjelyden som kontekst og kultur

Eigne haldningar og dugleik som leiar

Arbeid med aktuelle leiingsoppgåver gjennom "Mitt ledelsesprosjekt"

Aktiv deltaking i rettleiing medstudentane sine problemstillingar

Fokus på eigne problemstillingar

## **Vurdering og eksamen**

Vurderinga er todelt.

Studentane må ha godkjent 80% deltaking i seminar og rettleiingsgrupper.

Ein individuell skrifteleg eksamen på 6 timar.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **PROSJEKTOPPGÅVE M/FORDJUPINGSPENSUM (15 STUDIEPOENG)**

### **Mål**

Modulen tek sikte på å gi rom for fagleg fordjuping og å øve opp evna til, ut frå faglege perspektiv, å formulere problemstillingar, samle inn data, handsame desse og gi ein analytisk presentasjon i form av ein prosjektrapport.

### **Organisering og arbeidsmåte**

Knytt til denne modulen vil ein leggje opp eit oppgåveseminar der tema som metode, problemformulering, datainnsamling og -handsaming og rapportskriving vil stå sentralt. Omfanget av oppgåveseminalet er avhengig av studenttalet til ei kvar tid, men metodeundervisninga og rettleiing i oppgåveskriving vil vere på 12 t.

### **Innhald**

Problemstilling og tematisk fokus i oppgåva skal veljast innanfor det samla fagområdet for kyrkjeleg administrasjon, men med utgangspunkt i ein av dei tre første modulane. Område for oppgåva, metodisk og fagleg fordjupingspensum blir lagt opp i samråd med fagleg ansvarleg og skal godkjennast av denne.

### **Vurdering**

Studentane skal levere ei prosjektoppgåve med eit omfang på om lag 25 sider. Knytt til oppgåva skal det gjevast opp eit fordjupingspensum på rundt 500 sider.

## **PENSUMLITTERATUR**

### **Pensumslitteratur til kvar av modulane**

#### **MODUL: Strategisk kyrkjekunnskap**

Askeland, Harald: *Ledere og lederroller*, Tapir forlag, Trondheim 1998.

Hegstad, Harald: *Kirke i forandring*, Luther Forlag, Oslo 1999.

Hougsnæs, Marit Halvorsen (red.): *Kirken, lekfolket og presteskapet*, Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon 1999.

Svabø, Anna m.fl.: *Sosiologi og sosialantropologi for helsearbeidere* (Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 2000), s. 45-291.

Repstad, Pål: *Religiøst liv i det moderne Norge: et sosiologisk kart*. Høyskoleforlaget 2000.

Sjøløe, Synnøve m.fl. (red.): *Fra ombud til 'kirkens rådmann'*, Verbum Oslo 1995.

Skjevesland, Olav: *Huset av levende steiner*, Luther Forlag, Oslo 1993, (s. 149-272).

Winsnes, Ole Gunnar.: « - Men æ hørre dæm sei' at'n e' rel'giøs - «: om språk, religion og virkelighetsforståelse.» ,DMMH «s publikasjonsserie ; 3 1989. Trondheim 1989.

### **MODUL: Kyrkjerett og arbeidsrett**

#### 1. Kyrkjerett

##### a) Lover

Lovsamling for Den norske kirke, Kirkerådet 2000.

Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellesråd, Kirkerådet og KA 1997.

Lov om trdomssamfunn og ymist anna (1969), Lov nr. 25, 13. juni.

Lov om helligdager og helligdagsfred (1995), Lov nr. 12, 24. februar.

##### b) Litteratur

Aarflot, A.: *Trossamfunn og folkekirke*, Verbum, Oslo 1999.

Aarflot, A.: *La kirken være kirke*, Oslo 1990 (kap 2,10 og 11).

Aarflot, A.: Trossamfunn og statskirke, artikkel i *Lov og Rett*, nr. 10 1999.

Fisknes, O.H.: Statens rolle i fremtidens kirke i: *Kirken i tiden, troen i folket*, festskrift til Georg Hille, 1993 (side121-127).

Gullaksen, Per-Otto: *Stat og kirke i Norge. Kirkerett mellom teologi og politikk*, Verbum, Oslo 2000.

*Halvårsskrift for praktisk teologi*, hefte 2/ 1996, diverse artikler.

#### 2. Arbeidsrett

##### a) Lover

Forvaltningsloven

Tenestemannsloven

Arbeidsmiljølova

Offentlegloven

##### b) Litteratur

Eckhoff, Torstein og Eivind Smith: *Forvaltningsrett*, Tano Aschehoug, Oslo1997 (kapittel 7).

Grimstad, Frank: *Kirkelig arbeidsgiverhåndbok*, Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon 1996.

Fisknes, Ole Herman: Informasjonstrøm, offentlighet og taushet, i *Halvårsskrift for Praktisk teologi* hefte 2/1996 (side 36-42).

#### 3. Forvaltningsrett

##### a) Lover

Forvaltningsloven

Offentlegloven

Kommuneloven

##### b) Litteratur

Graver, Hans Petter: *Alminnelig forvaltningsrett*, Universitetsforlaget AS 1999. Del 1, 2 og 4.

### **MODUL: Kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning**

##### a) Lover

Kyrkjelova m/føresegner.

Gravferdslova m/føresegner.

Lov om trdomssamfunn og ymist anna.



Forvaltningslova

Kommunelova

Offentleglova

Planlova

b) Litteratur

Jørgensen. Ove Virik: *Utgiftsforpliktelser og kommunal tjenesteyting etter ny kirkelig lovgivning*. Kirkens arbeidsgiverorganisasjon 1996. 69 s.

Klingberg, Helge: *Kirkegårdsboka*. Forsythia 1997. 120 s.

Landslaget for kirkegårdskultur: *Veiledning ved anlegg og utvidelse av kirkegård*. 1989. 13s.

Neegaard, Gunnar: *Religioner, livssyn og gravferd*. Kommuneforlaget 1993. 220 s.

Neegaard, Gunnar. *Flerkulturell håndbok*. Kommuneforlaget 1998. 181s.

Sæther, Arne: *Kirken som bygg og bilde*. Rom og liturgi mot et tusenårsskifte. En bok om kirkebygging før, nå og i fremtiden. Utg. på eget forlag i samarbeid med Kirkerådet og kirkekonsulenten. Asker 1990. 232s.

Sæther, Natvig, Klingberg og Russnes: *Kirke- og kirkegårdsdrift*. Diakonhjemmet/Kommunal opplæring 1994.

Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, miljøverndepartementet: Høringsnotat om nytt felles rundskriv fra kirke-, utdannings- og forsknings-departementet og miljøverndepartementet om forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø. Referanse 98/568 KiA, dato: 22.1.98. 31 s + 7

### **MODUL: Kyrkjeleg leiing**

Askeland, Harald 1998: *Ledere og lederroller*. KIFO-Rapport Nr 7. Trondheim: Tapir (290 s)

Baasland, Ernst 1993: *Ledelsesstrukturer i den eldste kirke* (17 s)

Eriksen, Erik Oddvar 1997: *Kommunikativ ledelse*. Institusjonsledelse i en demokratisk tidsalder. I: Haldor Byrkjeflot (red): *Fra styring til ledelse*, s 393-417. Bergen: Fagbokforlaget (24 s)

Haukedal, Willy (1994): *Ledelse og lederutvikling*. I Odd Nordhaug m fl: *Personalutvikling, Organisasjon og Ledelse*. Oslo: TANO (23 s)

Hougsnæs, Marit Halvorsen 1999: *Kirken, lekfolket og presteskapet*. Oslo: Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (utvalg på ca 135 s)

Jacobsen, Dag Ingvar og Jan Thorsvik 1997: *Hvordan organisasjoner fungerer*. Innføring i organisasjon og ledelse. Bergen: Fagbokforlaget (300 s)

Lyngdal, Lars Erik 1994: *Organisasjonsutvikling i teori og praksis*, s 9-38 og 117-132. Oslo: TANO (44 s)

Nordhaug, Odd 1998: *Fra mekanikere til organister - lederutfordringer i endring*. I: Hilde Doksrød (red) *Kunnskap i arbeid - status og fremtidsbilder*, s 119-128.. Oslo: Tano Aschehoug (10 s)

### **MODUL: Prosjektoppgåve med fordjupingspensum**

Aktuell seminarlitteratur til metode og rapportskriving:

Andersen, Erling S. og Eva Schwencke: *Prosjektarbeid - en veiledning for studenter*. 2. utg. NKI-forlaget 1997.

Andersen, Svein S.: *Case-studier og generalisering*. Fagbokforlaget 1997.

Dalland, Olav: *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Universitetsforlaget 1997.

Halvorsen, Knut: *Å forske på samfunnet*. 3. utg. (utdrag), Bedriftsøkonomenes forlag 1996.

Hammersley, Martyn og Paul Atkinson: *Feltmetodikk - grunnlaget for feltarbeid og feltforskning*. Gyldendal Norsk Forlag 1987 (2. oppl. 1991).

Hoel, Torlaug Løkensgård: *Tanke blir tekst*. Skrivehjelp for studenter. Samlaget 1992.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



- [PRAKTISK-KATEKETISK ÅRSSTUDIUM, 60 STUDIEPOENG](#)
  - [MÅL](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [INNHALD](#)
    - [Praktisk-kateketisk årsstudium I \(30 studiepoeng\)](#)
    - [Praktisk-kateketisk årsstudium 2 \(30 studiepoeng\)](#)
  - [PENSUM](#)

## PRAKTISK-KATEKETISK ÅRSSTUDIUM, 60 STUDIEPOENG

### MÅL

Det praktisk-kateketiske års-studiet har som overordna siktemål å kvalifisere for eit breitt pedagogisk arbeid i Den norske kyrkja og i dei kristne organisasjonane. Kyrkjelydspedagogikken ønskjer å sjå all kristen verksemd i heim, kyrkje og kristne organisasjonar under opplæringsperspektivet. Dette inneber at studiet gjennom praktisk-teologiske fag og praksis skal gi studentane ei teoretisk og praktisk innsikt som kan hjelpe dei å registrere dei ulike opplæringsoppgåvene i kyrkja og kristne organisasjonar, og kvalifisere dei for arbeid i og med desse oppgåvene.

### ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR

Studiet er delt opp i bolkar, PK 1 og PK 2. For studentar som følgjer den ordinære progresjonen i den fireårige kateketutdanninga, er PK 1 lagt til andre studieåret medan PK 2 er lagt til tredje studieåret.

Undervisninga blir gitt gjennom førelesingar, lærarleia seminar og rettleidde øvingar og praksis. Ein kan ikkje rekne med at det blir forelese over heile pensum. Studiet inkluderer difor ein del sjølvstudium.

Studentane på PK 1 og PK 2 må legge vekt på å få med seg ekskursjonar eller studieopphald, innanlands og utanlands.

I PK 1 er praksis eit viktig element i studiet og praksisperioden utgjer 6 veker frå byrjinga av november.

Undervisninga, som går frå starten av haustsemesteret og fram til om lag 10. mars, har praksisrelatert stoff innan kyrkjekunnskap og kyrkjeleg planarbeid, men omfattar også forkynning og kommunikasjon. Det blir i same tidsrom arrangert praktiske øvingar.

Det blir lagt vekt på individuell rettleiing. I denne perioden blir studenten og vurdert i høve til om ho/han er skikka for kyrkjeleg arbeid.

I PK 2 er det to hovudemne som går parallelt gjennom heile året. Sjelesorg og kyrkjelydspedagogikk inkluderer også ei kort innføring i tenestedifferensieringa i kyrkja. I tillegg til undervisning gjennomfører studentane øvingar og får ansvar for gudstenester i distriktet. Det andre hovudemnet er Strategisk kyrkjekunnskap. Vekta i dette faget er lagt på korleis ein som kyrkje kan møte samfunnet med dei utfordringane ein blir stilt overfor i lokalmiljøet.

### INNHALD

Studiet omfattar PK1 og PK2.

#### Praktisk-kateketisk årsstudium I (30 studiepoeng)

##### *Kristen forkynning (9 studiepoeng)*

Faget er ei innføring i sentrale problemstillingar i homiletikken og kommunikasjon. Undervisninga er organisert med både tradisjonelle førelesingar og praktisk arbeid med tilrettelegging av forkynning. Studentane har ulike praktiske øvingar, i form av tekstførebuing, andaktar/ andaktsøvingar og påhøyring med evaluering.

### **Praksis (21 studiepoeng)**

Med vekt på å observere og lære skal studentane i seks veker ta del i dagleg arbeid i kyrkjelyd eller kristeleg organisasjon, i særskilde høve i institusjon. Praksis blir leidd av ein praksisrettleiar på praksisstaden i kontakt med lærarane på utdanninga. Kvar student skal etter praksisen leggje fram sine røynsler på eit seminar for dei andre studentane. Før studentane reiser i praksis blir det gjeve praksisførebuande undervisning i kyrkjekunnskap og kyrkjeleg planarbeid.

Tidlegare relevant yrkespraksis på minimum 3 år, kan i enkelte høve godkjennast. Studentane skal likevel skrive semesteroppgåve.

### **VURDERING OG EKSAMEN**

PK1 har ei tredelt evaluering.

a) minimum 80 % frammøte og aktiv deltaking i Praksisførebuande undervisning og Kristen forkynning og kommunikasjon

b) godkjenning av praksisbolken og dei praktiske øvingane

c) skriving av semesteroppgåve. Semesteroppgåva blir vurdert av ekstern og intern sensor.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

Praksisperioden blir evaluert skriftleg av praksisrettleiar, og faglærer drøftar deretter denne evalueringa med studenten. Evalueringa frå praksisrettleiarane går dels på korleis studenten utfører sine konkrete oppgåver og plikter i løpet av praksisen, og dels på korleis studenten fungerer i relasjon til stab, medarbeidarar og kyrkjelyd.

Dersom ein student ikkje får godkjent praksisen, misser han/ho retten til i denne omgang å halde fram den kyrkjelege utdanninga.

Når dette skjer, skal både praksisrettleiarane, faglærer i Kristen forkynning og kommunikasjon og fagleg ansvarleg for praksisperioden vere samde. Studenten har då berre høve til å framstille seg 1 gong til ny vurdering, og då først 2 år etter at han/ho vart kjent uskikka (jfr. Forskrift om eksamen ved Høgskulen i Volda).

Problemstilling for semesteroppgåva skal vere godkjent av faglærer. Oppgåva skal drøfte erfaringar frå praksisen med teori om kyrkjeleg eller anna kristeleg verksemd.

### **Praktisk-kateketisk årsstudium 2 (30 studiepoeng)**

Strategisk kyrkjekunnskap (15 studiepoeng)

Fagstudiet skal gi studentane ei forståing av tilhøvet mellom kyrkja og samfunnet frå teologisk, samfunnsfagleg og praktisk-kyrkjeleg synsstad. Dette omfattar samfunnskunnskap, kyrkjekunnskap, ekklesiologi, frivillige organisasjonar sin plass i kyrkja, kyrkja sin identitet, kall og arbeidsformer.

### **Sjelesorg og kyrkjelydspedagogikk (15 studiepoeng)**

Faget er tredelt med nemningane sjelesorg, kyrkjelege tenester og kyrkjelydspedagogikk. I delemnet sjelesorg vert prinsipielle og praktiske sider ved kristen sjelesorg drøfta, men det gir også ei innføring i religionspsykologi som bakgrunn for sjelesorg.

Dei andre to emnene er særleg retta inn mot studentane sin personlege kateketidentitet gjennom innføring i katekettenesta sitt innhald og særpreg og ved læring gjennom liturgiske øvingar.

### **Vurdering og eksamen**

PK2 har ei tredelt evaluering.

a) Dei praktiske øvingane er obligatoriske, krev 80 % frammøte og aktiv deltaking.

b) 2 heimeoppgåver over oppgitt tema skal vere levert innan 1. desember og 15. mars. Kvar oppgåve skal vere på om lag 3000 ord.

c) Ein individuell skriftleg 4 timars eksamen.

Kvar av heimeoppgåvene tel 25%, medan eksamen tek 50% av endeleg karakter.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **PENSUM**

### **PK1 - Kristen forkynning**

Skjevesland, O.: *Det skapende ordet*. Universitetsforlaget 1995.

Wisløff, Carl F.: *Ordet fra Guds munn*. Lunde Forlag 1988. Side 95-178.

Nordstokke, Kjell: «Frigjørende preken på norsk - preken og kontekstualitet», i Hellemo, Geir og Nils Gøran Riedl, *Prekenen, et kunsthåndverk?* Oslo 1993. Side 121-130.

Westly, Inge: «Legg øret ditt inntil og lytt», i Ulstein, Jan Ove: *Alle mine kjelder er i deg*, Volda 1991, s. 91-102.

Aas, Astrid, *Hva er kommunikasjon?* Utdrag av Hovedoppgave i spesialpedagogikk, 1986.  
Aktualiserende artiklar kan bli delt ut i forelesningane.

### **PK1 - Praksis**

Olav Skjevesland, *Invitasjon til praktisk teologi. En faginnføring* (Luther Forlag; Oslo, 1999), s. 74-172.  
Birgitte Thyssen, (red.), *Bibelbrug og Livsopplysning. Bibeldidaktiske overvejelser*. Fredriksberg, 1997  
*Gudstjenesten og mennesker med psykisk utviklingshemning / utgitt av Kirkerådet i samarbeid med Nord-Norges diakonistiftelse*. Oslo, Kirkerådet ; 1997  
*Ung i kirken 1993*: utredning ved Styringsutvalget for «Ung i kirken», oppnevnt av Kirkerådet. Oslo : Kirkerådet ; 1993

### **Handbøker som studentane må kjenne og skal bruke i praksis:**

Gudstenestebok for Den norske Kirke  
Plan for dåpsopplæring i Den norske Kirke  
Plan for konfirmasjonstida i Den norske Kirke  
Håndbok for konfirmasjonstiden  
Plan for diakoni i Den norske Kirke  
Taushetsplikt og offentlighet. Oslo, Kirkerådet, 1990.  
Utredning om seksuelt misbruk  
Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellesråd  
Årbok for Den norske Kirke

### **PK2 - Strategisk kyrkjekunnskap**

Askeland, Harald, og Frank Grimstad: *Kirkelig ledelse* ( KA 1996)  
Brunstad, Paul Otto: *Ungdom og livstolkning*, (Tapir Forlag, Trondheim,1998), s. 1-37, 139-197.  
Engelsviken, Tormod, «*Endringer i norsk misjon i de siste 50 årene*,» Norsk Tidsskrift for Misjon 50 (1996), s. 123-147.  
Engelsviken, Tormod, «Den kristne verdensmisjon ved årtusenskiftet: Hvor langt er den kommet, og Hegstad, Harald: *Kirke i forandring*, ( Luther Forlag, Oslo, 1999).  
Svabø, Anna m.fl.: *Sosiologi og sosialantropologi for helsearbeidere* (Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 2000), s. 45-291.  
Repstad, Pål: *Religiøst liv i det moderne Norge: et sosiologisk kart*. Høyskoleforlaget 2000.  
Skjevesland, Olav: *Huset av levende steiner*, (Luther Forlag, Oslo 1993), Del II og IV, s. 149-272.  
Winsnes, Ole Gunnar.: « - Men æ hørre dæm sei' at'n e' rel'giøs - «: om språk, religion og virkelighetsforståelse.», DMMH «s publikasjonsserie ; 3 1989. Trondheim 1989.  
Aktualiserende artiklar kan bli delt ut i forelesningane.

### **PK2 - Sjelesorg og kyrkjelydspedagogikk**

#### **Sjelesorg:**

Asheim, Ivar, «Dåpen og det kristelige gjennombrudd,» i *Kirken og nådemidlene*, Universitetsforlaget 1976. Side 140 - 162.  
Olivius, Anders, *Att möta människor*, Stockholm 1996.  
Roness, Atle, *Utbrent?*, Universitetsforlaget 1996, s. 13-44, 219-231 og 242 -246.  
Simonnes, Asbjørn, *Møte med barn i sorg og krise*, Det Norske Samlaget 1995. Side 150-179 og 190-209.  
Sørensen, Tor Johan, «Det fir-foldige menneske», i *Det fir-foldige menneske; et personlighetsspeil til sjelesørgerisk bruk* (Oslo, 1983), s.79-154.

#### **Kyrkjelydspedagogikk:**

Engelsen, Britt Ulstrup,.: *En læreplanteoretisk analyse av planer for menighetspedagogisk virksomhet i Den norske kirke*, Rapport nr. 3, 1998, Pedagogisk forskningsinstitutt, UiO, s. 13-76 og 117-215.  
Fossum, Birger, «*Hva er menighetspedagogikk?*», Tidsskrift for Teologi og Kirke (1996), s. 295-310.  
Løvlie, Birger, «*Pedagogikk for menigheten*,» Tidsskrift for Kirke, Religion og Samfunn 4 (1991), s. 53-64.  
Okkenhaug, Berit og Olav Skjevesland (red.), *Våre Tider i Guds Hånd. Kirkens tjenester ved dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd* (Verbum, Oslo, 1997), s. 1-128.  
Seland, Torrey (red.), *Katekesens historie, forløpig utgåve*, 2000. (ca. 150-200 s)  
Simonnes, Asbjørn: *Møte med barn i sorg og krise*, Det Norske Samlaget 1995. kap 3 og 6-8.  
Opplæringsplanane i Dnk.

**Kyrkjelege tenester:**

Eiriksson, Thröstur, «Den gode salmetones kjennetegn», « *Halvårsskrift for Praktisk teologi*, nr. 2/1999, s. 118-125.

Haavik, Åge: «Norsk Salme i det 20. århundre» *Halvårsskrift for Praktisk teologi*, nr. 2/1999, s. 9-34

Redse, Arne: *Gather together in Jesus' Name*, Hongkong: Taosheng, 1995, side 74- 148

Østnor, Lars: *Kirkens Tjenester* (Oslo, 1978), s. 90-117.

Embetsteologi og tenestedifferensiering. Kirkerådet 1975.

Tenesteordning for kateketar

Vigslingsritualene i Dnk

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen



---

- **[KRISTELEG UNGDOMSARBEID, 30 STUDIEPOENG.](#)**

- [Målgruppe](#)
  - [Mål](#)
  - [Innhald](#)
  - [Arbeids- og undervisningsformer](#)
  - [Vurdering og eksamen](#)
  - [Pensumslitteratur](#)
- 

## **KRISTELEG UNGDOMSARBEID, 30 STUDIEPOENG.**

### **MÅLGRUPPE**

Studieeininga er ei vidareutdanning for arbeidarar i kyrkje og kristelege organisasjonar. Opptakskravet er normalt to års høgare utdanning og to års relevant yrkeserfaring.

### **MÅL**

Studiet skal gje ungdomsarbeidarar i kyrkje eller organisasjonar auka kunnskap om og innsikt i ungdommen sin situasjon i dagens samfunn, for å få eit betre grunnlag for eige arbeid.

### **INNHALD**

Studieeininga er samansett av to modular på 15 studiepoeng kvar. "Kultur, kyrkjeliv og ungdomsarbeid" er eit teoretisk studium med vekt på innsikt i seinmoderne ungdomskultur og dei vilkår og utfordringar denne byd for kontekstualisering av kristen tru og etikk i kristeleg ungdomsarbeid. Modulen: "Ung i dag. Prosjektarbeid" består av eit større prosjekt og skal munne ut i eit skriftleg arbeid.

#### ***a) Kultur, kyrkjeliv og ungdomsarbeid (15 studiepoeng)***

Modulen har fleire delemne som til saman skal gje både ei kulturalanalytisk innføring i ungdommen sin situasjon i dagens samfunn, og ei drøfting av korleis dette utfordrar teologien i relasjon til verksemd mellom unge.

Av viktige tema i undervisninga kan nemnast

- ungdom i ein postmoderne kultursituasjon
- ungdom og identitetsutvikling
- ungdom, familie og media
- kulturteologi
- sanningsspørsmålet i ein postmoderne kontekst
- kyrkja si utfordring til ungdom

#### ***b) Ung i dag. Prosjektarbeid (15 studiepoeng)***

Prosjektarbeidet skal vere eit individuelt arbeid. Det kan tilpassast ulike behov og ønskje hos studentane, t.d. knytt til utanlandsopphald, pedagogisk utviklingsarbeid, undersøkingar av arbeid retta mot ungdom.

Prosjektarbeidet skal utførast under rettleiing med faglærer. Det skal avtalast eit litteraturstudium på ca 500 sider.

### **ARBEIDS- OG UNDERVISNINGSFORMER**

I den første modulen vert deler av pensum gjennomgått i førelesingar o.l. Det vert lagt vekt på å drøfte studentane sine erfaringar frå praktisk arbeid i relasjon til pensum. I andre modulen vert det i hovudsak gjeve individuell rettleiing.





Student kontoret	Fag- planar	Til toppen
---------------------	----------------	---------------



- [EXAMEN PHILOSOPHICUM, 15 STUDIEPOENG \(NETTVARIANT\)](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
    - [1. Filosofi- og vitskapshistorie \(6 studiepoeng\)](#)
    - [2. Vitskapsfilosofi \(3 studiepoeng\)](#)
    - [3. Språk- og argumentasjonsteori \(3 studiepoeng\)](#)
    - [4. Praktisk filosofi \(3 studiepoeng\)](#)
  - [ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)

## EXAMEN PHILOSOPHICUM, 15 STUDIEPOENG (NETTVARIANT)

Kurstype: Grunnkurs

Forkunnskap: Generell studiekompetanse

Koordinator: Torrey Seland

Eksamen philosophicum er eit førebuande studium på 15 studiepoeng. Studiet vil normalt kunna takast som eit eige frittstående studium, men kan også vera lagt inn i det første studieåret i dei ulike studieløpa ved avdelinga/høgskulen.

### MÅL

Studiet skal gi studentane ved avdelinga/høgskulen ei grunnleggjande innsikt i

- sentrale filosofiske problemstillingar

- vitskapelege tenkemåtar

- logikk og argumentasjon

- filosofisk etikk

- grunnlagsspørsmål frå pedagogisk og omsorgsretta arbeid

Siktemålet med studiet er å gi studentane auka studiekompetanse på akademisk nivå. Samstundes skal studiet gi grunnlag for å utvikla ein sjølvstendig refleksjon omkring både allmenne eksistensielle spørsmål, dei utfordringane og oppgåvene samtida og samfunnet byd på, og den rolle eiga utdanning, og det yrket ho siktar mot, medfører.

### INNHALD

Studiet er fordelt på fire disiplinlar: filosofi- og vitskapshistorie (6 studiepoeng), vitskapsfilosofi (3 studiepoeng), språk- og argumentasjonsteori (3 studiepoeng) og praktisk filosofi (3 studiepoeng).

#### 1. Filosofi- og vitskapshistorie (6 studiepoeng)

Studiet skal gi eit oversyn over filosofi- og vitskapshistoria frå oldtida til i dag, med vekt på problemstillingane innanfor metafysikk (røyndomsoppfatning), epistemologi (kunnskapsteori) og praktisk filosofi (etikk og politisk filosofi).

I det historiske oversynet ligg vekta på oldtida og nyare tid frå Descartes av.

#### 2. Vitskapsfilosofi (3 studiepoeng)

Studiet skal gi eit oversyn over dei grunnleggjande vitskapsfilosofiske problema: dei deduktive og hyptotetisk-deduktive metodane, den logiske empirismen, vitskapsfilosofien til Karl Popper, vitskapsfilosofien til Thomas Kuhn,

humaniora og vitenskapleg forklaring.

### **3. Språk- og argumentasjonsteori (3 studiepoeng)**

Studiet skal gi eit oversyn over dei grunnleggjande omgrepa som er sentrale for språkbruk og språkforståing: semantikk, tolking, presisering, definering, og argumentasjon. Det blir lagt vekt på praktisk bruk av det teoretiske lærestoffet i form av konkrete analysar og oppgåveløysing.

### **4. Praktisk filosofi (3 studiepoeng)**

Studiet skal gi ei innføring i allmenn filosofisk etikk, og i nokre grunnleggjande problemstillingar for pedagogisk og omsorgsretta arbeid.

## **ORGANISERING OG ARBEIDSMÅTAR**

Studiet blir i 2002-2003 gjeve som studium via internett, med leksjonar på internett, diskusjonsforum, oppgåveinnlevering, og kommunikasjon med lærar på E-post.

Det vil bli undervisning i alle dei fire disiplinane i studiet: filosofi- og vitenskapshistorie, vitenskapsfilosofi, språklogikk og praktisk filosofi.

## **VURDERING OG EKSAMEN**

### **Forprøve:**

Som forkrav til å bli vurdert til eksamen skal studentane være aktive i Forum i ClasFronter, og i løpet av semesteret ha skrive minst 3 faglege innlegg kvar.

### **Mappevurdering:**

I løpet av studet skal studentane skrive ei oppgåve frå 4 av dei 5 modulane.. Oppgåvene skal ha ein storleik på minst 2000 ord, og skal leverast i ClasFronter . Koordinator set tidsfristar. To av desse oppgåvene vert trekk ut av instituttet og utgjer grunnlag for karaktersetting.

### **Karakter**

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

## **PENSUM**

### **Filosofi- og vitenskapshistorie**

Tollefsen, Torstein, Henrik Syse og Rune Fritz Nicolaisen, *Tenkere og ideer: filosofiens historie fra antikken til vår egen tid* (Oslo: Ad notam Gyldendal, 1998), kapittel, 1-5; 7; 9,1-2; 10; 12,1-2; 13; 14,1-5; 15,1-2; 16-22;

### **Vitenskapsfilosofi**

Brown, Erik: *Vitenskapsfilosofi* (Bergen 1995).

### **Språk- og argumentasjonsteori**

Utaker, Arild: *Språklogikk* (Oslo 1991).

### **Praktisk filosofi**

Thommesen, Bjørn og Jon Wetlesen: *Etisk tenkning. En historisk og systematisk innføring* (Oslo 1996). Kap. 7-8, 10-12, 14-15.

Lars Løvlie: «Omsorgsperspektiver», Karen Jensen (red.): *Moderne omsorgsbilder* (Oslo 1990), s. 33-60.

Skjervheim, Hans: «Eit grunnproblem i pedagogisk filosofi», *Det liberale dilemma og andre essay* (Oslo 1968), s. 31-50.

Noddings, Nel: *Philosophy of Education* (Boulder, Col. 1995), s. 179-197.

(Finst også i norsk omsetjing frå 1997)

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [EXAMEN FACULTATUM, 15 STUDIEPOENG](#)
  - [MÅL](#)
  - [INNHALD](#)
  - [VURDERING OG EKSAMEN](#)
  - [PENSUM](#)
    - [1. Fellesdelen](#)
    - [2. Variantdelen](#)

## EXAMEN FACULTATUM, 15 STUDIEPOENG

Examen facultatum er eit 15 poengs-studium, som saman med examen philosophicum dannar eit felles innføringsstudium for ulike høgskuleutdanningar og universitetsstudier. Denne planen skal dekkja slike innføringsbehov som i stor grad er felles for fleire avdelingar ved høgskulen. Planen gjev likevel rom for å byta ut/kombinera hovudemne på slik vis at studiet kan dekkja meir spesialiserte behov ved ulike avdelingar og studieløp.

### MÅL

Studiet til examen facultatum skal gi innsyn i viktige føresetnader for vitenskapleg verksemd, og gjera studentane kjende med dei gjeldande normene for fruktbar og forsvarleg forskning.

I fellesdelen skal det kastast lys over forholdet mellom vitenskap og samfunn. Særleg gjeld dette på område der kulturelle tilstandar og tradisjonar kan skapa konflikt med dei vitenskaplege rasjonalitetskriteria. Vidare er innsyn i ulike etiske tradisjonar naudsynt for å kunna plassera vitenskapleg arbeid inn i ein etisk samanheng.

Variantdelen vidarefører og utdjuar emne frå examen philosophicum og fellesdelen. Hovudemna her skal gi studentane viktig kunnskap om grunnleggjande problemstillingar, klassisk litteratur, omgrep, metodar og forskningsinnsatsar innanfor dei fagområda som dei sjølve seinere skal spesialisere seg i.

### INNHALD

Examen facultatum er sett saman av to komponentar: ein fellesdel som utgjer 2/5 av studiet og ein variantdel som utgjer 3/5.

Fellesdelen inneheld to hovudemne: (1) etikk og (2) vitenskap og rasjonalitet.

Variantdelen er sett saman av hovudemne som kan utgjera ei felles plattform for studium ved ulike avdelingar, nemleg: (1) Humanvitenskapleg metode, 3 studiepoeng, (2) Samfunnsvitenskapleg metode, 3 studiepoeng, og (3) Yrkes- og profesjonsetikk, 3 studiepoeng. Det er også mogleg å byta ut eitt av desse hovudemna med eit nærare definert avdelings-/institutt-spesifikt emne.

### VURDERING OG EKSAMEN

Den avsluttande prøva er ein 5 timars skriftleg eksamen. Denne gjeld båe komponentane. Det blir ikkje alltid gjeve ei separat oppgåve i kvar komponent. Det vil gå fram av eksamensoppgåva kor mange oppgåver det skal svarast på. Dersom det blir gjeve separate oppgåver i kvar komponent, vil det verta sett ein rettleiande karakter i kvar av dei.

For å stå til examen facultatum må kandidaten i slike tilfelle oppnå rettleiande ståkarakter i baa komponentane. Den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av desse delkarakterane ved at fellesdelen blir vekta med 2/5 og variantdelen med 3/5.

Det er ikkje høve til å ta separat eksamen i ein av dei to komponentane.

Inntil vidare blir det halde eksamen kvart vårsemester, normalt i siste halvdel av mai.

Det vert gjeve bokstavkarakter. Karakterskalaen har seks trinn: frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

Det er klagerett berre på eksamenen som heilskap. Kandidatar må gå opp til ny eller utsett eksamen i heile eksamenen, ikkje i berre ein av delane.

## **PENSUM**

### **1. Fellesdelen**

#### **a) Etikk**

Johansen, Kjell Eivind og Arne Johan Vetlesen, *Innføring i Etikk*. Oslo, 2000

#### **b) Vitskap og rasjonalitet**

Sivertsen, Jo: *Vitenskap og rasjonalitet*. Oslo 1996

### **2. Variantdelen**

#### **a) Samfunnsvitskapeleg metode**

Engelstad, Fredrik m. fl.: *Samfunn og vitenskap*. Oslo 1998, s. 75-155, 234- 301, 414-450.

#### **b) Humanvitskapeleg metode**

Krogh, Thomas m. fl.: *Historie, forståelse og fortolkning*. Oslo 1996, s. 76-137, 201- 302.

#### **c) Yrkes- og profesjonsetikk**

Henriksen, Jan-Olav og Arne Johan Vetlesen: *Nærhet og distanse. Grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker*. Oslo 1997, s. 11-55, 88-233.

Student Fag- Til  
kontoret planar toppen



- [BARNEVERNPEDAGOG- OG SOSIONOMUTDANNING](#)
  - [1. Nasjonale rammeplanar](#)
  - [2. Mål for utdanningane i Volda](#)
  - [3. Kjenneteikn ved sosialarbeidarutdanningane i Volda](#)
  - [4. Viktige element i oppbygginga av studia](#)
  - [5. Kort om kvalitetsreforma og innføring av bachelorgraden - viktige endringar](#)
- [Del II. Fagplanspesifikk del](#)
  - [1. Oversyn](#)
  - [2. Det einskilde studieåret](#)
  - [3. Obligatoriske arbeidskrav - oversyn](#)
  - [4. Vurdering og eksamen](#)
  - [5. Semesterplan](#)
  - [6. Pensum](#)

## BARNEVERNPEDAGOG- OG SOSIONOMUTDANNING

I dette dokumentet vert det først presentert bakgrunn for Høgskulen i Volda sine bachelorutdanningar i sosialt arbeid, barnevernspedagogstudiet og sosionomstudiet. Denne delen har også utfyllande kommentarar til studieorganiseringa. I den fagplanspesifikke delen som følgjer i del II, vert studiestruktur, innhald, arbeidsformer og vurderings- og eksamensordningar nærare konkretiserte.

### 1. Nasjonale rammeplanar

Fagplanane for barnevernspedagog- og sosionomutdanningane er regulerte av rammeplan og forskrift for den enkelte utdanninga, fastsett av KUF 28.01.1999. Rammeplanane er nasjonale og skal sikre likeverdige utdanningar ved ulike utdanningsstader. Dei er basis for høgskulen sine fagplanar og retningsgjevande for tilrettelegging av studia. Rammeplanane har ein generell og ein studiespesifikk del. Den generelle delen gir pålegg om ein felles innhaldsdel for fleire utdanningar innan helse- og sosialfag. Frå 2002 utgjer den felles innhaldsdelen 30 studiepoeng (tidlegare 10 vektal). I tillegg er 30 studiepoeng felles for dei to utdanningane våre, altså i alt 60 studiepoeng (el. tilsvarande to semester).

For alle helse- og sosialfaglege utdanningar vert det i den generelle delen m.a. lagt vekt på menneskerettane som eit felles verdigrunnlag. Det vert også lagt vekt på at tenesteytinga skal leggje til grunn eit heilskapleg syn på brukaren, noko som inneber samarbeid med denne og med andre faggrupper. I tillegg er det viktig at yrkesutøveren utviklar ei kritisk og medveten haldning til utøving av makt, kontroll og hjelp, slik at omsorg og solidaritet med brukarar ligg i botnen for yrkesutøvinga.

Rammeplanane for barnevernspedagog - og sosionomutdanningane syner at fleire overordna mål og mange kunnskapsmål og innhaldselement er felles. Høgskulane tek sjølve stilling til korleis dei overordna måla vert nedfelt i studieorganisering, og korleis den felles innhaldsdelen vert lagt til rette mellom studia. Rammeplanane legg difor grunnlaget for den einskilde utdanningsinstitusjonen sin fagplan. Dette inneber at kvar høgskule har ulike fagplanar med til dels ulike måtar å organisere studia på. Høgskulen i Volda har frå 1991 hatt ein felles fagplan for dei to utdanningane. Felleselementa og dei utdanningsspesifikke elementa bert såleis gjort synlege innan ei felles utdanningsplattform.

Barnevernspedagogutdanninga og sosionomutdanninga sine nasjonale rammeplanar og ytterlegare informasjon finst

på desse nettadressene:

<http://www.nnr.no/html/publ/rammeplaner/vedtatt/grunn/bvp.doc> og  
<http://www.nnr.no/html/publ/rammeplaner/vedtatt/grunn/sosionom.doc>

### **Felles kunnskapsmål for sosialarbeidarutdanningane**

Vi vil trekke ut kva kunnskapsmål rammeplanane legg vekt på, og som framstår som nokolunde felles i dei to rammeplanane:

Rammeplanane har som overordna mål å organisere utdanningane, slik at dei utdannar reflekterte yrkesutøvarar som set mennesket i sentrum, og som kan planleggje og organisere tiltak i samarbeid med brukarar og andre tenesteytarar. Dei legg elles til grunn at desse yrka skal ha lik referanseramme, som kan vere med å danne basis for utvikling av felles haldningar og dugleik på einskilte område.

Det er spesifiserte kunnskapsmål som gjeld for begge studia på fleire område. Samanfatta gjeld at studentane skal:

- ha kunnskap om generelle forvaltningsprinsipp, kjenne aktuelle lover/forskrifter som handlar om barn og unge, og kunne utføre sakshandsaming som tek i vare brukarane/barn og unge sine behov og rettar
- ha kjennskap til hovudmål og verkemiddel i sosialpolitikken/barne- og ungdomspolitikken, kunne vurdere desse kritisk og kunne verke som premissleverandør for avgjerder i hjelpeapparatet og på det politiske nivået
- ha oversikt over hjelpeapparatet og kunne bruke det i arbeidet med å redusere sosiale problem/ barn og unges sosiale problem i samarbeid med andre yrkesgrupper og brukarar/klientar
- kunne arbeide med menneske med ulik røyndomsoppfatting, og ha evne til yrkesutøving i fleirkulturelle kontekster
- ha kjennskap til andre aktuelle yrkesgrupper og kunne vurdere eigen og andres kompetanse og ha utvikla evne til tverrfagleg samarbeid
- kunne delta i fagleg utviklingsarbeid, ta i bruk nye arbeidsmåtar på grunnlag av forskning og annan fagleg innovasjon og ha forståing for verdien av eigen personleg og fagleg vidareutvikling
- kunne dokumentere, kvalitetsutvikle og evaluere arbeidet sitt.

Rammeplanane si konkretisering av grunndrag, innhald og kunnskapsmål som er særskilt for dei to utdanningane, kan samanfattast som nedanfor.

### **Barnevernspedagogutdanninga**

Rammeplan for barnevernspedagogutdanninga legg vekt på at dette er sosialarbeidarutdanning retta mot barn og unge med hovudoppgåva å sikre og å betre levekåra for denne gruppa. Dette gjeld særskilt for dei som har sosiale og/eller psykiske problem, eller står i fare for å få det.

Barneverns-pedagogane sin kompetanse er retta inn mot barn og unge sin familiesituasjon og nærmiljøet dei er i. Oppgåvene femner både om førebyggjande og direkte klientretta arbeid, sakshandsaming og oppfølging av saker innan barnevernstenesta. I arbeidet sitt skal barnevernspedagogen leggje til rette for optimale oppvekstvilkår gjennom omsorg og oppseding, i tillegg til behandling ved spesielle høve. Barnevernspedagogen har eit ansvar for å ha barnet og den unge i fokus i arbeidet sitt, også når dette er retta mot familien og den unge sin omgjevna.

Kunnskap om og arbeidet med barn, unge og deira føresette gir barnevernspedagogane ei viktig rolle i påverknad og utforming av barne- og familiepolitikk, og helse- og sosialpolitikk.

Barnevernspedagogstudentane skal ved avslutta utdanning ha nådd følgjande særlege kunnskapsmål:

- kunne planleggje, iverksetje og evaluere tiltak for å betre og sikre barn og unge sine livsvilkår i samarbeid med dei menneska det gjeld
- kunne arbeide fagleg i barn og unges daglege miljø, inkludert ulike institusjonar der barn og unge oppheld seg.

### **Hovudemna i barnevernspedagogutdanninga er:**

*Samfunnsvitskaplege emne - juridiske emne - psykologiske emne - pedagogiske emne - sosialpedagogikk med barn og unge.*

Det er ein rekkje delemne under kvart av desse hovudemna; som vi i fagplanen under modulane har

spesifisert som fagemne.

### **Sosionomutdanninga**

Rammeplan for sosionomutdanninga legg vekt på at dette er ei sosialarbeidarutdanning med generalistpreg, som skal kvalifisere for arbeid med sosiale problem på ulike felt og med ulike målgrupper.

Sosionomane sin kompetanse er retta mot å yte hjelp til einskildpersonar og grupper. Gjennom sosialt arbeid skal sosionomane medverke til å avdekke forhold som skaper og held vedlike problemsituasjonar. Saman med brukarane skal dei finne konkrete alternativ som gir betre livssituasjonar. Det krev at sosionomen i arbeidet sitt fokuserer på ressursar i omgjevnadane og hos den einskilde, og utnyttar potensialet for endring både i tenestetilbod, organisasjon og hos brukar.

Sosionomstudentane skal ha nådd følgjande særlege kunnskapsmål ved avslutta utdanning:

- ha kompetanse i ulike sosialfaglege arbeidsmåtar, med spesiell vekt på arbeidsformer der brukarar er aktive deltakarar og mobiliserer egne ressursar, anten desse er einskildpersonar, familiar, grupper eller sosiale nettverk
- vere solidarisk med menneske som er i ein utsett marginal posisjon når det gjeld livsvilkår og livskvalitet, ha kompetanse til å synleggjere og fremme rettar og interesser dei har, og evne til å samarbeide med dei.

#### **Hovudemna i sosionomutdanninga er:**

*Samfunnsvitenskaplege emne - juridiske emne - psykologiske emne - pedagogiske emne - sosialt arbeid*

Det er ein rekkje delemne under kvart av desse hovudemna; som vi i fagplanen under modulane har spesifisert som fagemne.

## **2. Mål for utdanningane i Volda**

Høgskulen i Volda vidarefører dei nasjonale rammeplanane gjennom å skape ein studiestruktur og fastsetje mål som legg vekt på det som er felles ved dei to utdanningane. Dette kapitlet gir nærare informasjon om kva høgskulen legg vekt på å utvikle:

### **Analytisk kompetanse**

I sosialt arbeid står ein som regel overfor komplekse situasjonar og problemstillingar, som berre i liten grad kan løysast på ein regelbunden måte. Det inneber at sosialarbeidaren ikkje berre treng kunnskapar av reint faktisk karakter, men like mykje kompetanse til å kunne analysere dei situasjonane som ligg føre, og la denne analysen vere grunnlaget for val av handlingar. Endringar og omstillingar, både i samfunnet generelt og i sosialarbeidaren sin yrkessituasjon, gjer at visse typar kunnskapar og handlingsmåtar fort kan verte forelda. Det er difor viktig å leggje vekt på grunnleggjande kunnskap, og kunnskap som utviklar føresetnadane for å "lære å lære". Samla kallar vi dette analytisk kompetanse.

### **Innlevingsevne og relasjonskompetanse**

Sosialarbeidaren si yrkesrolle vert definert gjennom fleire dels kryssande og dels samanfallande normer. Styresmaktene venter at sosialarbeidaren er lojal mot det regel- og lovverket som regulerer arbeidsområdet deira, og tilpassar verksemda si til dei økonomiske rammevilkåra som gjeld. Dette inneber mellom anna at sosialarbeidaren vert utøvar av sty-res-maktene sin sosialpolitikk. Sosialarbeidaren må også utøve sosial kontroll over andre menneske. Rolla som sosialarbeidar inneber også å utøve omsorg, formidle tenester og forsvare rettane til brukarane. Dette føreset at ein har evne til å leve seg inn i og å forstå brukarane sin livssituasjon og korleis dei opplever hjelpeapparatet, og å etablere tillits-fulle relasjonar til dei. Sosialarbeidarane vil kunne ha ulike posisjonar i denne relasjonen, avhengig av korleis sosialarbeidarrolla er utforma, og livssituasjonen til brukaren. Relasjonen til ein og same brukar vil kunne endre seg over tid, og i høve til ulike livsfasar og situasjonar.

I utdanninga legg vi vekt på å utvikle haldningar, eigenskapar og kunnskap. Dette skal både utvikle evna til å leve seg inn i klienten sin situasjon, vere medviten eiga rolle i skiftande relasjonstilhøve, og til å forstå den rolla kommunikasjon og eit godt relasjonstilhøve spelar for utøving av arbeidet.

### **Forvaltningskompetanse**

Sosialarbeidaren sitt arbeidsfelt tilseier at ein i møte med personar eller grupper med ulike hjelpebehov også vil vere representant for samfunnet, institusjonar eller organisasjonar. I denne rolla vil sosialarbeidaren både vere ein som opplyser og klargjer rettane til dei som har hjelpebehov. Han/ho er samstundes forvaltar og formidlar av dei



samfunnsmessige ressursane som dette fører med seg. Det er i ein slik situasjon viktig at sosialarbeidaren kjenner til kva ordningar og rettar som gjeld, og kan forvalte desse i samsvar med sosialfagleg kompetanse og gjeldande regelverk.

### ***Solidarisk heilskapsperspektiv***

Sosialarbeidaren vil stå overfor bruka-rar som på grunn av ulike hindringar (t.d. svake individuelle føresetnader, funksjons-hemming, sosial marginalitet og undertrykte posisjonar) ikkje vil vere i stand til, eller ha vanskar med å realisere ulike menneskelege behov. Sosialarbeidaren vil ha viktige funksjonar for at den einskilde skal kunne kome over eller kompensere for slike hindringar, frigjere res-sursar og utløyse meistringsevne. Omgrepet solidarisk heilskapsperspektiv representerer ein forståings- og analysemåte, som inneber at ein i dette arbeidet ser på mennesket sin totale samanheng, fysisk, psykisk, sosialt, materielt og kulturelt. Dette perspektivet er ein nødvendig motvekt til sektorisering av ansvar og fragmentering av klientane sine problem. Perspektivet er også eit ideal om korleis samfunnet bør organiserast. Det er forankra i vår demokratiske og humanis-tiske kulturtradisjon, som tilseier at alle menneske, også brukarane av det sosiale hjelpeapparatet, er likeverdige med-menneske.

### ***Førebyggande perspektiv***

Sosialarbeidaren må ha evne til å analysere samspelet mellom individuelle, sosiale og strukturelle tilhøve. Dette er ei krevjande oppgåve som føreset samarbeid med andre yrkesgrupper. I utdanningane legg vi vekt på at kandidatane identifiserer seg med eit handlingsorientert førebyggande perspektiv. Førebyggande tiltak kan rette seg mot ulike nivå (individ, gruppe, organisasjon) og ha ulike mål. Dei kan hindre at problem og vanskar i det heile teke oppstår, eller når dei oppstår motverke at dei held seg vedlike eller vert utvikla vidare. Det kan også gjelde å kanalisere tiltak som fremmer meist-ring og rehabilitering. Førebygging er derfor eit generelt perspektiv som er relevant i dei fleste yrkesposisjonar og overfor dei fleste arbeidsoppgåver som sosialarbeida-ren står overfor.

## **3. Kjenneteikn ved sosialarbeidarutdanningane i Volda**

Dette kapitlet handlar om kva som kjenneteiknar sosialarbeidarutdanningane, og kvifor Høgskulen i Volda legg vekt på å utvikle ein felles studieprofil for barnevernspedagog- og sosionomutdanningane.

### ***Studia er ei grunnutdanning***

Sosialarbeidarutdanningane hentar kunnskapar frå fleire fagområde. Dette gjeld både faktakunnskapar og kunnskapar som er perspektivorienterte og nødvendige for utvikling av sosialarbeidaren si evne til analytisk tenking. Det er likeeins eit breitt spekter av ulike konkrete problem og livsvanskar ein møter i den praktiske yrkesutøvinga. Kunnskapsgrunnlaget som er relevant for sosialarbeidaren har derfor ingen klare grenser. Det er difor nødvendig å prioritere. Høgskulen legg til grunn at utdanningane skal ha ei tilstrekkeleg breidde for yrkesutøving på utdanningane sine hovudområde. Det vert elles lagt vekt på fordjuping i basale kunnskapsområde og basale dugleikar, framfor stor breidde i aktualitetskunnskap. Vi prioriterer dei kunnskapsområda som har stor overføringsverdi i høve til arbeidsoppgåvene i yrkeslivet, og som gir grunnlag for vidare læring, sjølvstendig kunnskapsføring og kompetanseutvikling. I ei grunnutdanning, og overfor eit arbeidsfelt som er i stadig endring, må den grunnleggande kunnskapen vere solid nok til vidare påbygging. Yrkesførebuinga vil aldri kunne vere fullkomen, slik at studen-tane må motiverast til å utvikle kompetansen sin vidare gjennom yrkesutøving og etter/vidareutdanning.

### ***Studia er yrkesretta***

Sosialarbeidarutdanningane er yrkesretta studium på høgare nivå. Studium på høgare nivå inneber mellom anna at studentane har eit sjølvstendig og personleg ansvar for kunnskaps-søkinga, og at utdanningsinstitusjonen har som mål å utvikle ny kunnskap, og å orientere undervisninga nærast mogleg forskings-fronten på sentrale fagområde. Yrkesrettinga inneber at utdanningane skal førebu og gi eit nødvendig grunnlag for praktisk yrkesutøving. I grunnutdanninga vert det såleis lagt mest vekt på å gi kandidatane eit fagleg grunnlag til aktivt å kunne vidareutvikle og fornye det prak-tiske arbeidet, framfor passiv innlæring av gitte rollefunksjo-nar.

### ***Felleskomponentar gir felles studieprofil***

Sosialt arbeid retter seg mot ulike målgrupper på ulike arenaer. Sjølv om barnevernspedagogar og sosionomar har sine spesifikke profiler, vil dei ofte måtte arbeide tett saman og samarbeide om dei same målgruppene. Dei kan dels utøve dei same funksjonane, om enn med ulike perspektiv. Endringar i arbeidsmarknaden har også gjort at desse gruppene i større grad enn før overlappar kvarandre. Kompetanseutviklinga etter grunnutdanning, meir enn grunnutdanninga i seg sjølv, bestemmer yrkesrolla. Den spesifikke profesjonskunnskapen er også knytt til at dei to utdanningane har ulike tradisjonar og historie. I eit utviklingsorientert perspektiv, er det viktig at det beste i desse

tradisjonane vert fornya og vidareførde, slik at dei er tilpassa dagens situasjon. Høgskulen i Volda legg difor vekt på at studentane både får eit felles identifikasjonsgrunnlag gjennom felles kunnskapsgrunnlag, og at dei får kjennskap til kvarandre sin særlege kompetanse. Dette gir etter vårt syn grunnlag for større fokus på tverrfagleg samhandling, samstundes som det opnar for ein større grad av fleksibilitet i høve endringane på arbeidsmarknaden. Høgskulen i Volda har difor lagt vekt på felleskomponentane i ein generell sosialarbeidarkompetanse, og vi har utvikla ein felles studieprofil for dei to utdanningane. Dette vil etter vårt syn gi den beste basisen for at kandidatane seinare utviklar ein meir spesifikk yrkesprofil på bakgrunn av utdanning, arbeidserfaring, og fagleg og personleg engasjement.

#### **4. Viktige element i oppbygginga av studia**

Dette kapitlet gir informasjon om korleis dei to utdanningane er bygde opp og organiserte. I tillegg pedagogiske metodar som vi legg særleg vekt på.

##### ***Fagemne***

Dei grunnleggjande elementa i studiestrukturen er fagemne. Dette er emne som kjem frå rammeplanane sine hovud- og delemne. Dei ulike fagemna varierer ein del i omfang. Dei kan vere felles for dei to utdanningane, delvis felles eller spesifikke. Felles fagemne tyder først og fremst felles innhald. Undervisninga kan vere felles, men også separat. Innanfor eit felles fagemne kan ein også differensiere noko i undervisninga i høve til utdannings-retningane sine spesifikke profiler. Dette vil til ei kvar tid verte vurdert opp mot ideane som ligg til grunn for studiemodellen, tilgangen på undervisningskompetanse og andre pedagogiske og ressursmessige omsyn.

##### ***Modulisering***

Studiet er delt inn i einingar som vi kallar modular. Innanfor kvar modul er det ei rekkje ulike tema, introduksjonsførelesingar, seminar og arbeidskrav. Desse vil gå fram av den spesifikke fagplandelen. Modular kan gå parallelt i tid. Kvar modul har obligatorisk(-e) arbeidskrav, der nokre går til vurderingsmappe og vert karaktersette. Det er gjort nærare greie for vurderingsordningane og eksamen knytte til modulane i den fagplanspesifikke delen.

##### ***Studiepoeng***

Det nye bachelorstudiet er på 180 studiepoeng. Kvart semester utgjer 30 studiepoeng, eit studieår 60 studiepoeng. Dei 13 modulane vi har i studiet varierer frå 10 til 30 studiepoeng. Rammeplanane nyttar uttrykket vektal (no studiepoeng) om studieomfang og forholdet mellom dei ulike fagemna.

##### ***Arbeids- og undervisningsformer***

Rolla som sosialarbeidar krev at ein allereie i utdanninga får røynsle i problemløy-sande tenking og handling. Det er viktig at studentane er fagleg søkande og aktive. Fagstaben har det overordna faglege ansvaret for organiseringa av studiet og undervisninga, men eit godt læringsmiljø krev engasjement frå alle.

Val av undervisnings- og arbeidsmåtar må gjerast ut frå ulike omsyn. Vi legg vekt på at studentane skal få røynsle med ulike arbeidsformer, få trening i sjølvstendige arbeidsoppgåver, utvikle kritisk og analytisk tenking og måtte eksponere seg i samarbeid med medstudentar. Ein aktiv læringsprosess føreset sjølvstudium og eigenvurdering. Arbeids- og undervisningsformene vil variere i høve til fagstoffet sin karakter og nivå i studiet. Det blir lagt vekt på at studentane vert trekte inn i utviklinga av studiet.

##### ***Studiegrupper og seminar***

Bruk av studiegrupper og seminar er sentrale pedagogiske instrument i studiemodellen. Dei skal tene fleire føremål. I ei sosialarbeidarutdanning er det viktig at studentane utviklar ei aktiv og kritisk haldning til læreprosessen, at læreprosessen også inneber ei personleg utvikling og bevisstgjerjing av haldningar og verdiar, at ein får røynsle med å bruke seg sjølv og delta i forpliktande samarbeid, og røynsle med å løyse problem og handtere konflikhtar.

Studiet startar med ein introduksjonsmodul der samhandling og læring står i særleg fokus. Føremålet er at studentane raskt skal kunne verte kjende med kvarandre, utviklar medvit om eigen veremåte og få betre innsikt og forståing for læringsprosessar. Studentane vert delte inn i basisgrupper som er faste heile det første studieåret. Basisgruppene får tildelt ein faglærer som fast kontaktperson og rettleiar. I basisgruppene får studentane oppgåver knytte til sjølvutvikling, munnleg og skriftleg framstilling. Basisgruppene er ein viktig arena for læring, relasjonstrening, refleksjon og vurdering og kan også tene som responsgrupper. I det andre studieåret vert det etablert grupper som skal øve på profesjonell samtale med utgangspunkt i kasus. Det vert nytta video med rettleiing og tilbakemelding frå lærarar og medstudentar. Øvingane vert ført vidare i det tredje studieåret med særleg vekt på konflikthandtering.

Prosjektpraksis i tredje semester er også basert på gruppearbeid. I tillegg vert det i samband med ulike fagemne initiert ulike seminar, gruppearbeid og prosjektarbeid, både lærarstyrte og studentstyrte.

### **Pensum**

Pensum er ei *minsteramme* for det omfanget av faglitteratur studia skal innehalde, og som det kan eksamineras i til eksamen. Høgskulen fastset pensum. Den totale ramma for studiet skal minimum vere om lag 10.000 sider. Dette er fordelt på dei tre studieåra, men slik at omfanget er noko mindre det første året samanlikna med dei to andre. Dei to siste studieåra skal studentane på individuell basis gjere framlegg om ein sjølvvalt pensumdel. Denne delen utgjer ca 700 sider andre året og ca. 1000 sider det tredje året (sjå nærare pkt. 8). Dette pensumet skal godkjennast i samråd med studentens utdanningsrettleiar. Retningslinjer for sjølvvalt pensum vert gitt i semesterplanane.

Fullstendig pensumliste for dei tre klassestega er bak i denne planen. Denne lista er rettleiande. Den oppdaterte og korrekte oversikta vil du finne i semesterplanane, som vert trykte opp og delte ut ved starten av kvart semester. Her vil også pensumet vere spesifisert innan dei ulike fagemna. Dersom pensum til ei kvar tid skal vere aktuelt og fagleg oppdatert, kan det oppstå avvik mellom semesterplanar og fagplan, sidan denne er utarbeidd i god tid før undervisninga tek til. I så fall vil det vere pensumlista i semesterplanane som gjeld.

### **Praksis og praksisstudie**

Praksisstudia er den delen av utdanninga der studentane gjennom direkte kon-takt med yrkesfeltet og brukarar av sosialfaglege tenester, skal få høve til både å kunne relatere dei teore-tiske kunnskapane til praktisk sosialt arbeid, og få trening i praktisk yrkesutøving. Høgskulen har som mål å skape best mogleg samanheng og integrasjon mellom dei ulike læringsformene. Det vil i den samanheng vere aktuelt å eksperi-mentere med ulike praksisformer.

Praksisstudia er ein viktig del av yrkesrettinga i utdanningane. Praksisstudia går i hovudsak føre seg i tilknytning til eksterne institusjonar/organisasjonar/nærmiljø under rettleiing av faglærarar/røynde sosialarbeidarar. Det er i studiet to praksisperiodar med eit samla omfang på om lag 20 veker. I tillegg er det mindre studie i somme av dei felte sosialarbeidarar arbeidar i.

**1. Feltstudie** er ei studieform som vert nytta for at studentane skal kunne gjere seg kjende med praksisfeltet (ekskursjonar, arbeid med særskilte problemstillingar knytt til feltet o.l).

**Prosjektpraksis** er lagt til andre studieår. Prosjektpraksisen inneber at grupper av studentar (normalt 3 - 4) undersøker ei problemstilling som er relevant i forhold til yrkesfeltet. Prosjektprosessen og resultatet av prosjektet skal dokumenterast/rapporterast. Det skal formidlast til medstudentar gjennom eit eige opplegg ved avsluttinga av perioden.

**Klientretta praksis** er lagt til slutten av studiet og til første del av tredje studieår. På dette nivået er det forventa at studentane har eit til-streккеleg fagleg grunnlag til å gå inn i yrkesrolla, som sosialarbeidar og under rettleiing utføre sjølvstendige arbeidsoppgåver. Praksis skal gå føre seg i eksterne institusjonar der relevant sosialt arbeid vert praktisert, og inkludere relasjonstrening med klientar/brukarar og samarbeidande profesjonar.

Studentane kan få høve til å ta prosjektpraksis og klientretta praksis i utlandet.

Innhaldet i praksisstudia vil vere ulikt og i samsvar med dei ulike hovudområda som dei to utdanningane rettar seg mot. I den klientretta praksisperioden vil studenten få rettleiar på praksisstaden, så langt råd innanfor eigen profesjon. I tillegg vil dei ha kontaktlærar ved høgskulen. Høgskulen har ansvar for å inngå avtalar om praksisutplassering. Dette gjeld også ved prosjektpraksis når det er aktuelt. Høgskulen godkjenner praksisplassar og rettleiarar og har det over-ordna faglege ansvaret for at praksisopplæringa fungerer i høve til oppsette lære-mål. Det er utarbeidd eiga forskrift når det gjeld praksis.)

### **Studentmappe**

Ei mappe er ei systematisk samling av studentarbeid (studiekrav) og andre former for dokumentasjon av studentaktivitet. Innhaldet skal gi eit samla bilete av studentens utvikling og læring. Mappa kan innehalde individuelle eller grupperelaterte studentprodukt (studiekrav), frivillige arbeid, eigne og andre si vurdering av teoretiske og praktiske studentarbeid.

Studentmappene har to nivå: arbeidsmappe og vurderingsmappe. I arbeidsmappa samlar studentane alle studentprodukta og vurderingane. Arbeidsmappene skal vere tilgjengelege ved førespurnad og dannar grunnlaget for utval til vurderingsmappa. Høgskulen definerer i den fagplansspesifikke delen kva produkt som skal inn i

vurderingsmappa frå modulane. Dette er obligatoriske skriftlege oppgåver som vert gitt jamt fordelt gjennom studieåret, og som saman med eventuell eksamen skal utgjere det totale vurderingsgrunnlaget i den enkelte modulen (jf. elles avsnitt om eksamen). I tillegg skal studenten velje ut andre produkt og vurderingar som skal inngå i vurderingsmappa. Studentane skal grunnkje valet sitt.

### **Deltakingsplikt**

Når det gjeld obligatorisk deltaking er det generelle kravet 80% frammøte. Dersom nokon ikkje til-fredsstiller dette kravet, kan vedkomande verte pålagt andre oppgåver/plikter, som skal kompensere for det studenten har gått glipp av. Når fråværet overstig 30 %, kan manglande frammøte føre til utestenging frå eksamen, jf. reglementet ).

### **Studiekvalitet**

Fagplanane og semester-planane er forpliktande både for studentane og for utdanningsinstitusjonen. Høg-skulen forventar at studentane set seg inn i desse. Det er ønskjeleg å få dialog med studentane om studieutviklinga. Dette vert m.a. gjort gjennom egne evalueringsseminar som set studiekvalitet på dagsorden.

Studentane har saman med lærarane eit felles ansvar for læringsmiljøet. Studentane har eit sjølvstendig ansvar for å kome med synspunkt og problemstillingar; faglege som organisatoriske spørsmål. Klassene vel egne tillitsvalte som er bindelekk mellom studentane og leiinga ved instituttet. Instituttleiinga og dei tillitsvalde utgjer "Studiekvalitetsutvalet/Samarbeidsutvalet". Avdeling for samfunnsfag er samansett av tre institutt. Studentane er representerte med tre medlemmer i avdelingsstyret. Desse fora bør nyttast til å fremje synspunkt av felles interesse for studiemiljøet.

## **5. Kort om kvalitetsreforma og innføring av bachelorgraden - viktige endringar**

Dette kapitlet vil ta føre seg nokre av dei sentrale endringane som Kvalitetsreforma i høgare utdanning har lagt opp til, og korleis Høgskulen i Volda vil vidareføre desse frå studieåret 2002.

### **Utdanningsplanar og utdanningsrettleiar**

Alle studentane skal ha tettare oppfølging og individuelle utdanningsplanar. Det skal gå klart fram gjennom utdanningsplanane kva oppgåver og plikter studentane og høgskulen har i høve til kvarandre. Utdanningsplanen skal gi ei oversikt over den planlagde karrieren til studenten. Studenten skal sjølv ta del i utforminga. Utdanningsplanen er ikkje ein juridisk bindande kontrakt. Utdanningsplanen kan justerast kvar semester i samtale med utdanningsrettleiararen. Denne utdanningsrettleiararen er ein fagleg kontaktperson. Det er hans oppgåve å følgje studenten si faglege utvikling gjennom heile studiet. Kvar student får oppnemnt utdanningsrettleiar tidleg i semesteret. Målet er god oppfølging undervegs i studiet, med minimum to samtalar per semester. Utdanningsrettleiararen vert som regel oppnemnt for alle tre åra.

### **Studentaktive læringsformer**

Innføring av bachelorgraden inneber auka vektlegging på studentaktive læringsformer, slik som seminarpresentasjonar, oppgåveskriving, problembasert læring, case-studie m.m. Det vert færre tradisjonelle forelesingar, og fleire introduksjons- og fokusforelesingar.

### **Vurderingsordningar**

Den nye fagplanen fører til endringar av vurderingsordningane ved studiet. Nokre av arbeidskrava i studiet vert ein del av den samla karakteren. Vurderingsformene er ein kombinasjon av eksamen og mappevurdering. Vi legg også opp til at vurderingssystemet vil vere under utvikling i ein fase med innføring av bachelor. Det vert ein overgang frå fleire eksamenar gjennom studiet til også å trekkje andre element frå studentmappene inn som ein del av vurderingsgrunnlaget. Studentane vil vere med som aktive bidragsytarar. Vi viser elles til kap. 4 i del II.

### **Internasjonalisering**

Høgskulen generelt og avdeling for samfunnsfag, institutt for sosialfag spesielt, er i ferd med å byggje ut eit nettverk for studentutveksling med attraktive institusjonar i ulike land. Vi ser m.a. føre oss utveksling i form av:

- studieopphald ved ein utanlandsk institusjon
- praksisutplassering
- personellutveksling
- studieturar/ekskursjonar

Det er ein føresetnad for opphald ved ein utanlandsk lærestad at studietida ikkje skal forlengast: Det betyr at det/dei faga du tek ved den utanlandske lærestaden, må kunne inngå som ein del av utdanninga ved Institutt for sosialfag (ISF). Det er difor nødvendig at det vert utarbeidd ein plan for opphaldet før du dreg og at planen er godkjent av ISF og av vertsinstitusjonen.

Det er høve til å få stipend gjennom utvekslingsprogramma SOCRATES og NORDPLUS. Stipendbeløpa er ganske

beskjedne, men dei er meinte å skulle kome i tillegg til den ordinære studie-finansieringa som Lånekassa gir. I tillegg til den ordinære studiefinansieringa kan det verte gitt eit reisestipend. Stipendbeløpa vil variere noko frå år til år.

### **Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)**

Vi ønskjer å bruke internett som eit kommunikasjonsverktøy og som eit problemløysingsverktøy der dette høver. Opplegget vårt for bruk av nettet, vil også ta sikte på å gi studentane innføring og arbeidstrening i system dei vil finne att i ein framtidig jobbsituasjon.

## **DEL II. FAGPLANSPEISIFIKK DEL**

### **1.Oversyn**

#### **Kven fagplanen gjeld for**

Fagplanen er felles for barnevernspedagog- og sosionomstudiet ved Høgskulen i Volda. Den gjeld for studentar med studiestart hausten 2002 og seinare. Fagplanen er utarbeidd på grunnlag av nasjonale rammeplanar av 1999. Fagplan 2002/2003 er vedteken i styret for avdeling for samfunnsfag 23. april 2002 og gjeld for kull 2002 - 2005. For tidlegare kull vil fagplan 2001-2002 gjelde, med unntak av 6. semester. Her gjeld fagplan 2002 - 2003.

#### **Studiestrukturen - modular**

Studiet går over tre år og er inndelt i 13 modular med sosialfaglege emne (SE). Studentane sine plikter knytt til kvar modul må vere godkjende for å kunne framstille seg til årseksamen, med mindre det ikkje er etablert ei særordning med praksis og studieopphald i utlandet. Studiestrukturen er som følgjer:

<b>1. SEMESTER</b>	<b>2. SEMESTER</b>		<b>3. SEMESTER</b>	<b>4. SEMESTER</b>		<b>5. SEMESTER</b>	<b>6. SEMESTER</b>
<b>SE 1</b> Introduksjon til sosialfaglege emne <b>10</b>	<b>SE 3</b> Velferdsstat og velferdssamfunn <b>10</b>		<b>SE 6</b> Individ og familie <b>20</b>	<b>SE 8</b> Grupper, organisasjonar og nettverk <b>10</b>		<b>SE 10</b> Praksisstudium <b>30</b>	<b>SE 11</b> Klientretta tema <b>10</b>
							<b>SE 12</b> Integrasjonsmodul <b>10</b>
<b>SE 2</b> Innføring i samfunnsvitenskapane <b>20</b>	<b>SE 4</b> Individ og samfunn <b>10</b>		<b>SE 7</b> Prosjektarbeid <b>10</b>	<b>SE 9a</b> Særemne for barnevern <b>20</b>	<b>SE 9b</b> Særemne for sosionom <b>20</b>		<b>SE 13</b> Semesteroppgåve <b>10</b>
	<b>SE 5 a</b> Utfordringar i yrkesfeltet <b>10</b>	<b>SE 5b</b> Utfordringar i yrkesfeltet <b>10</b>					

## **2. Det einskilde studieåret**

### **1. Studieår**

*o SE 1: Introduksjon til sosialfaglege emne - 10 studiepoeng*

### 1. semester

**Mål/læringsmål:** Studentane skal ha fått ein introduksjon til studiet etter avslutta modul. Den skal leggje grunnlaget for forståing for fag, studium og yrke. Studentane skal vidare ha fått grunnlag for å setje egne studie- og læringsformer i fokus for aktiv kunnskapssøking gjennom studiet.

**Innhald:**

- Innføring i kommunikasjon og samhandling/gruppeprosessar (gruppedynamikk, teamarbeid)
- Grunnlagselement i vitenskapsteori og forskingsmetode
- "Lære å lære" - innføring i sentrale arbeidsformer, sjangerlære og fagplantenking
- Innføring i sosialt arbeid sitt yrkesfelt

**Organisering/undervisningsform:** Forelesing og seminar, ekskursjon, sjølvstudie, problembasert læring (PBL), IKT. *Obligatorisk deltaking i ekskursjon og seminar.*

**Vurdering og eksamen:** Rapport frå ekskursjon som obligatorisk arbeidskrav går til vurderingsmappe.

*o SE 2: Innføring i samfunnsvitenskapane - 20 studiepoeng*

### 1. semester

**Mål/læringsmål:** Studentane skal få forståing for og kunnskap om sentrale teoriar og perspektiv i dei faga som ligg til grunn for studiet.

**Innhald:**

- Innføring i sosialt arbeid og sosialpedagogikk
- Sosiologi og sosialantropologi
- Generell pedagogikk
- Generell psykologi
- Juridiske emne - Juridisk metode
- Stats- og kommunalkunnskap
- Drama - vert vidareført i 2. semester

**Organisering/undervisningsform:** Forelesing og seminar, tverrfagleg case, sjølvstudie, PBL, dramaverkstad. *Organisering av og deltaking i to studentstyrte seminar og dramaundervisning.*

**Vurdering og eksamen:** Studentane lagar eit individuelt skriftleg arbeid til vurderingsmappa.

*Semesteret vert avslutta med ein individuell fagemneeksamen på fire timar (SE 1 og SE 2).*

*o SE 3: Velferdsstat og velferdssamfunn - 10 studiepoeng*

### 2. semester

**Mål/læringsmål:** Studentane skal få kunnskap om samfunnsmessige strukturar og prosessar. Studentane skal ha fått eit grunnlag for å utvikle sin analytiske kompetanse.

**Innhald:**

- Sosial- og velferdspolitik
- Juridiske emne - Forvaltningsrett, statsrett, strafferett, sivil- og straffeprosess
- Samfunnsvitenskapleg metode

**Organisering/undervisningsform:** Forelesing og seminar, øvingsoppgåver, sjølvstudie, PBL. *Obligatorisk deltaking på seminar.*

**Vurdering og eksamen:** Skriftleg individuell essay innanfor modultema til vurderingsmappa og/eller presentasjon av mindre undersøking innanfor samfunnsvitenskapleg metode frå studentseminar.

*o SE 4: Individ og samfunn - 10 studiepoeng*

### 2. semester

**Mål/læringsmål:** Studentane skal etter endt modul ha kunnskap om og forståing for fleirkultur i det norske samfunnet, familie og livsløp. Studentane skal kunne vise særleg kunnskap om barn og unge sine oppvekstvilkår.

**Innhald:**

- Fleirkulturell forståing
- Barn, ungdom og familie
- Drama

Organisering/undervisningsform: Forelesingar, PBL, case, teaterverkstad. *Obligatorisk deltaking i dramaundervisning og seminar.*

Vurdering og eksamen: Skriftleg individuell essay innanfor modultema til vurderingsmappe.

*o SE 5 A (Barnevern): Utfordringar i yrkesfeltet - 10 studiepoeng*

## 2. semester

Mål/læringsmål: Studentane skal etter endt modul ha fått kunnskap om og grunnleggjande forståing for barnevernspedagogene si yrkesrolle i spenninga mellom individ, gruppe og samfunn.

Innhald:

- Sosialpedagogikk
- Aktivitetsfag
- Etikk og yrkesrolle

Organisering/undervisningsform: Forelesingar, praksisstudie, seminar, PBL. *Obligatorisk deltaking i praksisstudie og seminar.*

Vurdering og eksamen: Gruppebasert refleksjonsnotat frå modulen til vurderingsmappa.

*o SE 5 B (Sosionom): Utfordringar i yrkesfeltet - 10 studiepoeng*

## 2. semester

Mål/læringsmål: Studentane skal etter endt modul ha fått kunnskap om og grunnleggjande forståing for sosionomane si yrkesrolle i spenninga mellom individ, gruppe og samfunn.

Innhald:

- Sosialt arbeid
- Etikk og yrkesrolle

Organisering/undervisningsform: Forelesingar, praksisstudie, seminar, PBL. *Obligatorisk deltaking i praksisstudie og seminar.*

Vurdering og eksamen: Gruppebasert planleggings-, grunngevings- og refleksjonsnotat frå modulen til vurderingsmappa.

*Individuell essayeksamen på fire timar med tema frå modulane 1. studieår.*

## 2. Studieår

*o SE 6: Individ og familie - 20 studiepoeng*

## 3. semester

Mål/læringsmål: Studentane skal etter endt modul ha tileigna seg kunnskap om sentrale forhold ved individets helse og utvikling, og ha utvikla kompetanse til å analysere og arbeide med individuelle vanskar, sosiale problem og samspelefaktorar i familiar.

Innhald:

- Utviklingspsykologi
- Kommunikasjon og samhandling, samtaleøving
- Juridiske emne: Familie-, barne- og helserett
- Familiearbeid
- Sosialmedisin og pediatri

Organisering/undervisningsform: Forelesing og seminar, sjølvstudie, PBL, IKT. *Obligatorisk deltaking i samtaleøving.*

Vurdering og eksamen: Individuelt prosessnotat frå samtaleøvingane til vurderingsmappa. Notatet skal innehalde

faglege grunngevingar. Individuelt frivillig essay innanfor modulemna til vurderingsmappa.

*o SE 7: Prosjektarbeid - 10 studiepoeng*

*3. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal gjennom prosjektperioden utvikle kompetanse i prosjektarbeid som problemløysande arbeidsform, og gjennomføre eit prosjekt som er relatert til sentrale felt i studiet.

Innhald:

- Generell pedagogikk og sosialt arbeid grunnelement
- Andre relevante fagemne

Organisering/undervisningsform: Førebuingsseminar, prosjektarbeid, rettleiing, workshops. *Alle delar av modulen er obligatoriske.*

Vurdering og eksamen: Refleksjonsnotat frå prosjektprosessen går til vurderingsmappa  
*Prosjektrapport blir karaktersett og inngår i eksamensgrunnlaget.*

*o SE 8: Grupper, organisasjonar og nettverk - 10 studiepoeng*

*4. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal etter endt modul ha tileigna seg teori og tenking om relasjonar og kommunikasjon, organisasjonar og nettverk og ha utvikla kompetanse til å analysere korleis organisatoriske og strukturelle forhold skaper særskilde utfordringar for yrkesutøvinga. Studentane skal vidare ha tileigna seg kunnskap om ulike modellar for klient- og sjølvhjelpsorganisering

Innhald:

- Organisasjonsteori
- Sosialpsykologi
- Arbeid med grupper, organisasjonar og nettverk

Organisering/undervisningsform: Forelesing, studentstyrte seminar, PBL, case. *Obligatorisk deltaking på seminar.*

Vurdering og eksamen: Essay som går til vurderingsmappa.

*o SE 9 A (Barnevern): Særemne for barnevern - 20 studiepoeng*

*4. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal tileigne seg kunnskap og utvikle kompetanse i å planleggje, iverksetje og evaluere tiltak for å betre barn og unge sine livsvilkår i samarbeid med dei det gjeld.

Innhald:

- Etikk og yrkesrolle

- Didaktikk og aktivitetslære
- Førebyggjande miljøarbeid/Miljøarbeid i institusjon
- Juridiske emne: Barnevernsrett, sosialrett, trygderett
- Kommunikasjon og samhandling, samtaleøving
- Barnevernsarbeid

Organisering/undervisningsform: Forelesing og seminar, praksisretta arbeid, rettleiing, PBL. *Obligatorisk deltaking i aktivitetstfag.*

Vurdering og eksamen: individuelt prosessnotat frå samtaleøvingane til vurderingsmappa. Notatet skal innehalde faglege grunngevingar. Case som går til vurderingsmappa. Individuelt arbeidskrav i juss.

*o SE 9 B (Sosionom): Særemne for sosionom - 20 studiepoeng*

*4. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal tileigne seg kunnskap og utvikle kompetanse om ulike arbeidsmåtar på individ og gruppenivå med særleg vekt på å la brukarane vere aktive og mobilisere eigne ressursar.

Innhald:

- Etikk og yrkesrolle



- Sosialt arbeid på gruppe- og samfunnsnivå - *obligatorisk frammøte*
- Sosialt arbeid med einskildpersonar og familiar, her under barnevernsarbeid
- Juridiske emne, sosial-, trygde- og barnevernsrett
- Kommunikasjon og samhandling, samtaleøving

Organisering/undervisningsform: Forelesing og seminar, praksisretta arbeid, rettleiing, PBL. *Obligatorisk deltaking i sosialt arbeid med grupper.*

Vurdering og eksamen: Individuelt prosessnotat frå samtaleøvingane til vurderingsmappe. Notatet skal innehalde faglege grunngevingar. Case som går til vurderingsmappa. Individuelt arbeidskrav i sosialt arbeid. Individuelt arbeidskrav i juss.

*Integrert årseksamen på fire timar med emne frå modulane 2. studieår.*

### **3. Studieår**

*o SE 10 Klientretta praksis - 30 studiepoeng*

#### *5. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal tileigne seg erfaringar frå praksis som medverkar til fagleg og etisk refleksjon og til vidareutvikling av kunnskap.

Innhald:

- praksisførebuing
- praksisgjennomføring
- refleksjon over praksis

Organisering/undervisningsform: Seminar, praksis og skriftlege oppgåver. *Alle delar av modulen er obligatoriske.*

Vurdering og eksamen: Godkjenning av klientpraksis. Praksisoppgåve og eigenrefleksjon til vurderingsmappa.

*o SE 11 Klientretta tema - 10 studiepoeng*

#### *6. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal etter endt modul ha tileigna seg særleg kunnskap om rammevilkår og utfordringar i arbeid med menneske med særskilte vanskar knytte til funksjonshemming, psykiske problem og rusmisbruk. Studentane skal ha fått kompetanse i tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

Innhald - integrerte tema frå:

- Psykisk helsearbeid
- Juridiske emne: Psykisk helsevern, tvang, rus
- Funksjonshemma
- Kommunikasjon, samhandling og konfliktløsning

Organisering/undervisningsform: Forelesingar, seminar, case

Vurdering og eksamen: Gruppearbeidskrav: Skissert klientiltak til vurderingsmappa: planlegging, organisering og tilrettelegging med fagleg grunngeving.

*o SE 12 Integrasjonsmodul - 10 studiepoeng*

#### *6. semester*

Mål/læringsmål: Studentane skal etter endt modul ha tileigna seg kunnskap om yrkesutøvinga sine organisasjonsvilkår og utvikle evna til å analysere sider ved eigen yrkesfunksjon og samhandling med hjelpeapparatet og brukarar.

Innhald:

- Planlegging
- Administrasjon og leiing
- Juridiske emne: Arbeidsrett
- Arbeidsplassen som læringsarena

- Barnevernsfaglege perspektiv (bv)
- Sosionomfaglege perspektiv (sos)

Organisering/undervisningsform: Forelesingar og seminar, PBL og sjølvstudium. *Obligatorisk deltaking på seminar.*

Vurdering og eksamen: Seminarpresentasjon av fagleg tema til vurderingsmappa.

### *o SE 13 Fordjupingsoppgåve - 10 studiepoeng*

Mål/læringsmål: Studentane skal dokumentere evne til refleksjon og analytisk kompetanse knytte til sosialfaglege problemstillingar i bachelorstudiet.

Organisering/undervisningsform: Oppgåveskriving med rettleiing.

Vurdering og eksamen: Skisse til fordjupingsoppgåve skal inngå som obligatorisk arbeidskrav i mappa.

Fordjupingsoppgåva er eksamen (jf. kap. 4).

Tema er sjølvvald, men skal vere godkjent av instituttet og ha relevans for seinare yrkesutøving.

Oppgåva skal skrivast individuelt. Framstillinga skal vere i samsvar med reglar og retningsliner for skriftlege arbeid ved institutt for sosialfag.

*Munnleg eksamen med etterprøving av pensum for 3. året. Under munnleg må kandidaten også forsvare fordjupingsoppgåva si.*

## **3. Obligatoriske arbeidskrav - oversyn**

Under kvar modul er det fastsett obligatoriske arbeidskrav. I somme modular vil det vere obligatorisk deltaking på deler av undervisning eller praksis. Felles for alle dei obligatoriske elementa er at dei må vere godkjende innanfor kvart årssteg, før ein kan framstille seg til eksamen. Det er normalt ikkje karaktersetjing knytt til dei obligatoriske krava; ein nyttar seg her av godkjend/ikkje godkjend. Det vil likevel vere slik at nokre av arbeidskrava går inn i vurderingsmappa i tillegg, og i samla karakter, jfr. neste kapittel.

Følgjande er obligatorisk i bachelorstudiet og må vere godkjende før ein kan ta eksamen:

### **1. studieåret - haust**

- Ekskursjon med rapport ( SE 1). *Rapporten går til vurderingsmappa*
- Kurs i gruppedynamikk og drama (SE 1 - SE 2)
- To studentstyrte seminar frå SE 2
- Eitt individuelt skriftleg arbeid frå SE 2. *Går til vurderingsmappa*

### **1. studieåret - vår**

- Framhald av dramaundervisning (teaterverkstad)
- Seminar (SE 3 og SE 4)
- Skriftleg individuelt essay (SE 3) og/eller presentasjon av mindre undersøking innanfor samfunnsvitskapleg metode. *Går til vurderingsmappa*
- Skriftleg individuelt essay (SE 4). *Går til vurderingsmappa*
- Gruppebaserte refleksjonsnotat (SE 5 A/5 B). *Går til vurderingsmappa*

### **2. studieåret - haust**

- Begge utdanningane: Individuelt prosessnotat frå samtaleøving (SE 6). *Går til vurderingsmappa*
- Begge utdanningane: Studentstyrt organisering i "Samtaleøving og rådgjeving", rettleiing ved faglærer (SE 6). *Individuelt prosessnotat frå samtaleøving går til vurderingsmappa*
- Begge utdanningane: Prosjektarbeid med prosjektrapportering og refleksjonsnotat ( SE 7). *Refleksjonsnotat går til vurderingsmappa*

### **2. studieåret - vår**

- Begge: Seminar innanfor "Grupper, organisasjonar og nettverk"(SE 8). *Går til vurderingsmappa.*
- Begge: Individuelt prosessnotat frå samtaleøving ( SE 9). *Går til vurderingsmappa*
- Begge: Individuelt arbeidskrav i juss (SE 9). *Går til vurderingsmappa*
- Begge: Studentstyrt organisering i "Samtaleøving og rådgjeving" (SE 9A/B), rettleiing ved faglærar
- Sosionom: Konsentrerte undervisningsblokker i sosialt arbeid med grupper (SE 9B)
- Barnevern: Konsentrerte undervisningsblokker i aktivitetsfag (SE 9A)
- Sosionom: Individuelt arbeidskrav i sosialt arbeid (SE 9 B) *går til vurderingsmappa*

### **3. studieåret - haust**

- Begge: Praksisførebuande kurs (modul SE 10).
- Begge: Klientpraksis 2
- Begge: Praksisoppgåve og eigenrefleksjon. *Går til vurderingsmappa*

### **3. studieåret - vår**

- Begge: Refleksjonsseminar praksis.
- Begge: Gruppearbeidskrav klientiltak (SE 11) *Går til vurderingsmappa*
- Begge: Emnekonsentrert kurs i kommunikasjon, samhandling og konfliktløyising (SE 11)
- Begge: Seminarpresentasjon (SE 12). *Går til vurderingsmappa*
- Begge: Skisse fordjupingsoppgåve (SE 13). *Går til vurderingsmappa*

## **4. Vurdering og eksamen**

Det er i studiet ei rekkje vurderingsordningar. Somme av dei obligatoriske elementa i studiet vert samla i vurderingsmappa for kvart studieår og gitt ein samlekarakter. I tillegg er det i studiet 1 - 2 mindre eksamenar innanfor kvart studieår. Vurderingsmappa og eksamen er regulerte av Universitets- og høgskulelova, med utdjupande forskrifter.

### **Vilkår for å gå opp til eksamen**

Studenten må ha greidd årseksamen på det føregåande årssteget. Alle arbeidskrava for vedkomande årsteg må vere godkjende.

### **Vurderingsgrunnlaget**

Studentane skal ha tilbakemelding undervegs om korleis dei står fagleg. Eigen-, medstudent-, og faglærarvurdering vil vere ein del av dei løpande læringsprosessane.

Fagleg vurdering av kunnskapar, forståing og dugleik som studentane har på ulike nivå i studiet, vert elles vurderte slik:

#### *o 1. studieår*

- Vurderingsmappa: Utgjer 60 % av samla årskarakter (gjeld utvalde obligatoriske arbeidskrav frå modulane)
- Eksamen 1. studieår: Fagemneeksamen og integrert årseksamen utgjer 40 % av samla årskarakter

#### *o 2. studieår*

- Vurderingsmappa: Utgjer 60 % av samla årskarakter (gjeld utvalde obligatoriske arbeidskrav frå modulane)
- Prosjektrapport utgjer 20% og årseksamen utgjer 20% av samla årskarakter.

#### *o 3. studieår*

- Klientpraksis: Godkjenning etter eiga forskrift
- Vurderingsmappa: Utgjer 25 % av samla årskarakter
- Skisse til fordjupingsoppgåve skal inngå som obligatorisk arbeidskrav i vurderingsmappa
- Eksamen: Fordjupingsoppgåve utgjer 50 % av samla årskarakter, og kandidaten vil måtte forsvare oppgåva under munnleg eksamen . Munnleg eksamen utgjer 25 % av samla årskarakter.

Vi syner elles til høgskulen sine eigne forskrifter om eksamen, arbeidskrav og praksis.3) Institutt for sosialfag gir nærare retningslinjer om skriftlege arbeid og mappevurdering.

## **Karaktersystem**

Frå hausten 2002 vert følgjande karaktersystem nytta:

<b>Symbol</b>	<b>Nemning</b>	<b>Generell, kvalitativ skildring av vurderingskriterie</b>
<b>A</b>	Framragande	Høgt kunnskapsnivå. God analytisk evne. Kan nytte kunnskapen sjølvstendig.
<b>B</b>	Særs god	God oversikt over kunnskapsfeltet. Kan nytte kunnskapen sjølvstendig.
<b>C</b>	God	Kan gjere greie for dei viktigaste elementa i fagfeltet. Kan til ein viss grad nytte kunnskapen sjølvstendig
<b>D</b>	Brukbar	Oversikt over dei viktigaste kunnskapselementa manglar. Kan ikkje nytte kunnskapen sjølvstendig.
<b>E</b>	Tilstrekkeleg	Tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Kan ikkje nytte kunnskapen sjølvstendig.
<b>F</b>	Ikkje bestått	Manglar både detaljkunnskap og oversikt.

## **Ny og utsett eksamen**

Studentar som er sjuke eller ikkje greier fagemneeksamen 1. studieår vert det arrangert ny/utsett eksamen innanfor eksamensperioden. For eksamen om våren 1., 2. og 3. studieår vert det normalt halde kontinuasjonseksamen i august før nytt studieår tar til. For reglar om ny og utsett eksamen vert vist til forskrift om eksamen ved Høgskulen i Volda, som finst i studiehandboka.

## **Rett til å gå studieåret om att**

Eksamenskandidatar som ikkje har fått ståkarakter ved ordinær, utsett, eller ekstraordinær eksamen, kan gå det aktuelle studieåret om igjen ein gong, dvs. eitt studieår maksimalt to gonger. Studentar som går om igjen eit studieår har dei same pliktene som dei som går det aktuelle studieåret første gong med omsyn til gjennomføring av arbeidskrav. Dette inneber at studentane må levere nye skriftlege oppgåver; dvs ikkje dei same som vart leverte første gongen studenten gjekk det aktuelle studieåret. Dersom studenten i 6. semester har stått på semesteroppgåva, men stryk til munnleg eksamen, skal han/ho berre ta opp att den munnlege delen. Dersom prosjektpraksis eller klientpraksis vart godkjent første gongen studenten gjekk studieåret, slepp han/ho ny praksisopplæring.

## **Oversyn over eksamenar**

### *o 1. studieåret - 60 studiepoeng*

- Haustsemesteret vert avslutta med individuell fagemneeksamen på fire timar
- Vårsemesteret vert avslutta med ein individuell integrert årseksamen med essayoppgåve på fire timar

Kandidaten må ha karakteren E eller betre for å gå vidare til neste studieår. Dersom ein kandidat får karakteren F på eksamen til jul, vil han/ho ha høve til å halde fram i studiet og til å framstille seg til kontinuasjonseksamen i eksamensperioden om våren (jf. elles eksamensreglementet for Høgskulen i Volda).

### *o 2. studieåret - 60 studiepoeng*

- Det er ingen eksamen etter 3. semester, men alle obligatoriske arbeidskrava må vere godkjende for å gå vidare til neste semester.
- Vårsemesteret vert avslutta med ein integrert skuleeksamen på fire timar i vårsemesteret med emne frå modulane 2. studieåret.

Kandidaten må ha karakteren E eller betre for å gå vidare til 3. studieåret.

## **3. studieåret - 60 studiepoeng**

- Det er ingen eksamen etter 5. semester, men alle dei obligatoriske arbeidskrava må vere godkjende for å kunne gå vidare til neste semester.

Eksamen er samansett av:

- Individuell fordjupingsoppgåve som tel 50 % av samla årskarakter.

Tema er sjølvvald, men skal vere godkjent av instituttet og ha relevans for seinare yrkesutøving.  
Omfang min. 10.000 ord.

- Munnleg eksamen med etterprøving av pensum for 3. året.

Kandidaten må ha karakteren E eller betre som samla eksamenskarakter.

## 5. Semesterplan

For kvart semester vert det utarbeidd eigne planar med detaljert oversyn over semesteret. Her finn ein vekeplanar, oversikt over gruppeinndeling, oppdatert pensumoversyn og anna nyttig informasjon.

Utdanningsreforma vil gi instituttet store utfordringar. Det er ønskjeleg å trekke studentane med i utviklinga av det enkelte semesteret. Arbeidsformene for kvart semester er ikkje fastlagt, unnateke alle obligatoriske element (jf. kap. 3 og 4.)

## 6. Pensum

### Generelt

Studiet har eit samla pensum på om lag 10.000 sider. Pensum for dei aktuelle studieåra følgjer fagplanen, med årleg revisjon. Denne fagplanen vert prenta nokre månader før studieåret tek til, og minst eit halvt år før vårsemesteret tek til. Sidan det fortløpande kjem ut nye bøker og artiklar av til dels høg kvalitet, er det viktig å ha eit system og ein arbeidsmåte, som gjer at vi etter behov kan endre pensumet.

I denne fagplanen kan det difor verte nødvendig å endre pensumet. Korrekt pensumliste vil difor gå fram av semesterplanane.

### Sjølvvalt pensum

Deler av pensum, som er knytt til praksisperioden, skal vere sjølvvalt og godkjennast av høgskulen. I 2. studieår skal studentane kome med eigne framlegg på om lag 700 sider sjølvvalt pensum, som skal godkjennast av høgskulen. Av dette kan maksimalt 50 sider vere skjønnlitteratur. Skjønnlitteratur tel berre 25 % av sidetalet. I 3. studieår skal studentane velje 1000 sider. Sjølvvald pensum skal ha faglitterær status, relevans for tema i studieåret og yrkesrelevans. Ein kan velje skjønnlitteratur som sjølvvalt pensum, 100 sider (tel 25 %) kan godkjennast.

Studentane skal seinast 1. april ha levert inn maskinskriven liste til instituttsekretær med fullstendige referansar på sjølvvalt pensum.

### Pensumoversyn for kvart årstrinn

Atterhald om endringar! Semesterplanen gir den mest oppdaterte oversikta!!

#### o 1. studieår barnevern/sosionom

- Bråten, I (1996): *Vigotsky i pedagogikken*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag, s. 43 - 73, 123 - 143
- Cunningham, H. (1994): *Barn og barndom fra middelalder til moderne tid*. Oslo: Ad Notam-Gyldendal. Kap. 5 og ut boka.
- Dalland, O (1999): *Pedagogiske utfordringer for helse - og sosialarbeidere*. Oslo: Universitetsforlaget
- Eriksen, Hylland T (1997): *Små steder - store spørsmål. Innføring i sosialantropolog*, Oslo: Universitetsforlaget, Kap. 1 - 7 s. 11- 130 Kap. 11, 13,14 s. 201-229, s.247 -288
- Erichsen, V. (1996) : «Helse og sosialprofesjonene for morgendagen». RHHS Rapport nr. 3
- Eriksen, T. Hylland (red) (1994): *Flerkulturell forståelse*, Oslo: Tano Aschehoug
- Fjørtoft, Kjersti og Skorstad, Berit (1998): *Etikk i sosialt arbeid*. Kap 2. Oslo: Ad Notam (K)
- Evans, T:D/Frønes, I./Kjølørød, L (1994): *Velferdssamfunnets barn*. del 1 og 2. Oslo: Ad Notam-Gyldendal,
- Fangen, Katrine (2001): "Demonisering eller ansvarliggjøring?". Artikkel I *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 1, 2001.
- Grønvold, Erik (1988): Med barn som utgangspunkt, I *Fra veldedighet mot profesjonalitet*, Nerdrum, P. & Opsand O. P., Rapport 88:1, NKSH (K)
- Frønes, Ivar (1994): *De likeverdige. Om sosialisering og de jevnaldrendes betydning*. Oslo: Universitetsforlaget. Frå

s. 123 og ut boka.

Gullestad, M.: "Barnas egen kultur - finnes den?" i *Barn nr. 4*, 1990, s. 7 - 27. (K)

Halvorsen, K. (2002): *Sosiale problemer*, Bergen: Fagbokforlaget

Heggen, K, Myklebust, J.O. og Øia, T. (red.) (2001): *Ungdom i spenninga mellom det lokale og*

*det globale*. Det Norske Samlaget. Kap. 3, "Den lokale konstruksjonen av ungdom" (s. 37-55) og kap. 8, "Marginalisering av ungdom - skolen si rolle" (s. 119-135).

Humlen, A. (1992): Unge flyktningers rettsstilling i teori og praksis. I Kristoffersen, O.: *Unge flyktninger i Norge. 50 års erfaring*. Oslo: Kommuneforlaget, s.80 - 85. (K)

Hundeide, K. (1989): Barns livsverden. En fortolkende tilnærming i studiet av barn. Oslo: Cap-pelen, s. 11 - 51. (K)

Kjønstad, A. og A.Syse (red) (2000): *Velferdsrett II*, 58 - 69, 143 - 178

Lien, Inger-Lise (1991): «En partikularistisk og en universalistisk moral. Om grenser for emosjoner, empati og lojalitet». I *Norsk antropologisk Tidsskrift* årgang 2, 2/91 s.98-109

Lingåas, Lars G. (2001): *Til beste for barnet*, Oslo: Kommuneforlaget, kap. 1,4,5,6,7

Løvlie, L. (1992) Erfaring som handling i Thuen & Vaage( red) : *Oppdragelse til det moderne*. Oslo:Universitetsforlaget (K)

Madsen, B. (1995): Sosialpedagogikk og samfunnsforandring. Oslo: Ad Notam Gyldendal. Kap. 1 (K)

Martinussen, W. (2001): *Samfunnsliv: Innføring i sosiologiske tenkemåter*, Oslo: Universitetsforlaget

Nielsen G. H & Teigen, K. H. (red ) (1997): *En innføringsbok i psykologi for universiteter og høyskoler*. Oslo: Cappelen, kap 1 - 17 og kap. 19 - 21.

Ohnstad, A. (1998): *Den gode samtalen*. Kap 1, Oslo:Det Norske Samlaget, ca. 10 s. (K)

Ohnstad, Bente(2001)*Juss for helse- og sosialarbeidere*, 2.utgave. Oslo.Fagbokforlaget; s. 15 - 141

Rønning, Rolf (2001): *Vårt politiske Norge.En innføring i stats - og kommunalkunnskap*, Bergen: Fagbokforlaget, kap. 2, 3, 5-11 (273 s.)

Sam, D.Lackland (1997): «Helse og helseadferd blant innvandrerdømling» i Klepp,Knut - Inge/Aarø,

Leif E. (red):*Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid*, Oslo: Universitetsforlaget s.88-109 (K)

Skau, G. M.(1996): *Mellom makt og hjelp*. Oslo: Tano, s 33 - 124

Slettebø, Tor (2000): Empowerment som tilnærming i sosialt arbeid, i *Embla*, nr. 2/00, s. 75-85 (K)

Sosialt Utsyn 1993, s. 155-168, s. 171-188, s. 189-201 (K)

Stave, G.(1996): Yrkesidentitet i et historisk perspektiv i Bunkholdt, V. og andre: *Kunnskap og omsorg*. Oslo:Tano, s. 17-31 (K)

Talle, Aud:"But it is mutilation...": antropologi og vanskelige temaer. I *Norsk Antropologisk Tidsskrift NR. 1, 2001 12. årgang* (K)

Terum, L.I.(1996) : Helse- og sosialarbeideren i velferdsstaten. *RHHS Rapport* nr. 3/96.

Thynes; Paul A (1999): *Sosialt arbeid, lokal organisering og selvhjelp*. Kap 1,2. Oslo: Tano Aschehoug

Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir

Kap. 4, 6, 10

Vaage, S (red) (1998) : *Å ta den andres perspektiv - grunnlaget for sosialisering og identitet*. George Herbert Mead i utval. Oslo

Quereshi, Naushad (1997):" Antirasistisk perspektiv på sosialt arbeid" i *Embla* nr. 2/ 97 (K).

Ziehe, T. (1992): *Kulturanalyser. Ungdom, utbildning, modernitet*. Stockholm : Symposion bibliotek, s. 15 - 70. (K)

Øia, T. (2001): "Aksel Sandemose og moderne identitetskonstruksjon". Artikkel I *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 1, 2001

Aadland, Einar (1998): *Og eg ser på deg - vitenskapsteori og metode i helse- og sosialfag*, Oslo: Tano Aschehoug

Aamodt, Laila G. *Den gode relasjonen*,Oslo: Ad Notam Gyldendal, kap. 3 (K)

## o 2. studieår barnevern

Andersen, Erling S. og Schwence, Eva (1997) : *Prosjektarbeid - en veiledning for studenter*. Oslo: NKI-forlaget

Andresen, Ragnhild (red) (2000) : *Felleskap og sammenhenger*. Kap 2, 4, 8, 10. Oslo: Gyldendal Akademisk

Askeland, Guri Aga og Molven, Olav (1990): *Dokument i klientarbeid*. Oslo:Universitetsforlaget Kap. 1-4

- Bitsch Olsen og Kaare Pedersen (1997): *Problemorienteret projectarbejde - en verktøjsbog*. Roskilde Universitetsforlag. Kap 1,2,4,6 (-6.8),8,9,10,11.
- Bunkholt, V. og Sandbæk, M. (1998) : *Praktisk barnevernsarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget 4. utg.
- Djupvik, AR & Eikås, Magne (2002): *Organisert velferd. Organisasjonskunnskap for sosionom-, barnevernspedagog- og vernepleiarutdanningane*, Oslo: Det Norske Samlaget
- Ekeland, T.-J. (1994): *Skilte foreldre. Om samlivsbrot og foreldremekling*. Oslo: Samlaget. kap. 2, 5 - 11
- Evang, A. (1986).: *Utvikling, personlighet og borderline*. Oslo: Cappelen, Kap. 1 - 10 og kap. 12.
- Fossåskaret, Erik , Otto Laurits Fuglestad og Tor Halfdan Aase (red) (1997): *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget
- Fyrand, Live "Teori og praksis", kap. 1 (K)
- Halvorsen, Terje (2001), *Miljøarbeid - teori og praksis*, Bergen: Fagbokforlaget
- Havneskjöld, L. (1995): *Daniel Sterns teorier om sjølvutvekkling - en introduksjon*. Stockholm: Liber
- Holck, Giske (1995): *Levande lokalsamfunn - prinsipper & strategier for områdeforvaltning*. Oslo: Kommuneforlaget, kap.1 - 2
- Høgmo, Asle (1998): *Fremmed i det norske hus. Innvandreres møte med bygdesamfunn, småby og storby*, Oslo: Ad Notam Gyldendal
- Hårtveit, H. og Jensen, P. (1999) *Familien - pluss en: innføring i familieterapi*. Oslo: Tano Aschehoug
- Inglar, T (1997): *Lærer og veileder. Om pedagogiske retninger, veiledningsstrategier og veiledningsteknikker*. Oslo: Universitetsforlaget
- Jerlang, Espen (1994): *Utviklingspsykologiske teorier*. Oslo: AdNotam. Kap. 2, 3, 4 og 8.
- Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red): *Velferdsrett I*. Side 227 - 319
- Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red): *Velferdsrett II*. Side 33 - 38, 233 - 265, 301 - 322
- Kumar, Lovleen (2001): *Djulaha!? Om å forstå annerledeshet i barnevernsarbeid*, Oslo: Høyskoleforlaget
- Moghaddam, F.M. (1998): *Social psychology. Exploring universals across cultures*. New York: W. H. Freeman (Kap. 3,4,5,10,13,14 - ca. 220 s.)
- Monsen, Anne L. Bjørke (1999): *Pediatri- Vekst utvikling og sykdommer hos barn*. Oslo: Universitetsforlaget, kap. 1,2,3,5,6,19 og 20 (94 s)
- Ohnstad, Bente (2001) *Juss for helse- og sosialarbeidere*, 2. utg. Fagbokforlaget, s. 141- 247
- Pedersen, W. (1998) *Bittersøtt: ungdom, sosialisering, rus*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sivert, BE & Sveaas (1986): *Sore lille verden*, Oslo: Universitetsforlaget, kap. 4
- Skare, Signe (1996): *Flerkulturelt barnevernsarbeid*, Oslo: Kommuneforlaget, 2. utgave, s. 116 - 182
- Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir Kap. 9, 11.
- Øvreeide, H. (1995): *Samtaler med barn*. Kristiansand : Høyskoleforlaget AS
- Aadland, E. (1990): *Etikk for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo: Samlaget Del I.

## 2. studieår sosionom

- Andersen, Erling S. og Schwence, Eva (1997) : *Prosjektarbeid - en veiledning for studenter*. Oslo: NKI-forlaget
- Andenæs, K. & Olsen, L.O. (1996).: *Sosialrett*. Oslo: Tano, 5. utg., s. 289 - 352 og 354 - 411.
- Andresen, Ragnhild (red) (2000) : *Felleskap og sammenhenger*. Kap 2, 4, 5. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Askeland, Guri Aga og Molven, Olav (1990): *Dokument i klientarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget Kap. 1-4
- Bitsch Olsen og Kaare Pedersen (1997): *Problemorienteret projectarbejde - en verktøjsbog*. Roskilde Universitetsforlag. Kap 1,2,4,6 (-6.8),8,9,10,11.
- Bunkholt, V. og Sandbæk, M. (1998) : *Praktisk barnevernsarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget 4. utg.
- Daatland S.O og P.E Solem (1995): «Aldring i kritisk lys». *NGI - rapport 2/95*.
- Djupvik, AR & Eikås, Magne (2002): *Organisert velferd. Organisasjonskunnskap for sosionom-, barnevernspedagog- og vernepleiarutdanningane*, Oslo: Det Norske Samlaget
- Egelund, T. og Halskov, T (1986).: *Praksis i sosialt arbeid*. København : Munksgaard, Kap. 4 (K)
- Ekeland, T.-J. (1994): *Skilte foreldre. Om samlivsbrot og foreldremekling*. Oslo: Samlaget. kap.2, 5 - 11
- Evang, A. (1986).: *Utvikling, personlighet og borderline*. Oslo: Cappelen, Kap. 1 - 10 og kap. 12.
- Fossåskaret, Erik , Otto Laurits Fuglestad og Tor Halfdan Aase (red) (1997): *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget
- Fyrand, L. (1994): *Sosialt nettverk*. Oslo: Tano. Kap. 6
- Gogstad, A.C. (1981): *Sosialmedisin*. Oslo: Tano. Kap. 16 (K)
- Haaland, K.R, Mai Njå og Hedvig Montgomery (1999): *Fagutvikling i sosialt arbeid*. Oslo: Tano, kap 7 og 11. (K)
- Heap, K. (1998): *Gruppeteori for helse- og sosialarbeidere*, Oslo: Universitetsforlaget, 2. utg

- Hoff, A. L. (1986).: *Kriser*. Oslo: Gyldendal, Kap.1 - 4, og s. 162 - 168.
- Hårtveit, H. og Jensen, P. (1999) *Familien - pluss en: innføring i familierapi*. Oslo:Tano Aschehoug
- Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red):*Velferdsrett I*. Side 147 - 187, 227 - 319
- Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red): *Velferdsrett II*. Side 33 - 38, 233 - 265, 301 - 322
- Kokkin, J (1998): *Profesjonelt sosialt arbeid*. Oslo: Tano Aschehoug 1998. kap. 8.
- Leenderts, T. Aalen (1997): *Person og profesjon*. Oslo:Universitetsforlaget, Kap. 7, 8 og 9.
- Moghaddam, F.M. (1998): *Social psychology. Exploring universals across cultures*. New York: W. H. Freeman (Kap. 3,4,5,10,13,14 - ca. 220 s.)
- Noreik, K. Stang (1992): *Lærebok i sosialmedisin*. Kap. 1 - 3, 5, 11 - 15 og 17. Oslo:Ad Notam Gyldendal
- Ohnstad, Bente(2001)*Juss for helse- og sosialarbeidere*,2.utg.Fagbokforlaget, s. 141- 247
- Pedersen, W. (1998) *Bittersøtt: ungdom, sosialisering, rus*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sandbæk, Mona (1993): *Forebyggende barnevern*. Oslo: UniversitetsforlagetKap. 4 (K)
- Shulman, L(1994).: *The Skills of Helping*. Peacock. Kap. 2 - 8 og kap. 14.
- Skare, Signe (1996): *Flerkulturelt barnevernsarbeid*, Oslo: Kommuneforlaget, 2. utgave, s. 116 - 182
- Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir Kap. 9, 11.
- Tveito, Å. Blakstad (1998): « Hvorfor journaler på sosialkontor?» *Nordisk Sosialt Arbeid* nr. 2/98.
- Øvreeide, H. (1995): *Samtaler med barn*. Kristiansand : Høyskoleforlaget AS
- Aadland, E. (1990): *Etikk for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo: Samlaget Del I.
3. studieår barnevern
- Andresen, Ragnhild (red) (2000) : *Fellesskap og sammenhenger*. Oslo: Gyldendal Akademisk, Kap 7.
- Broch, Per Holger (1996): " Om å handle rett". i *Embla* 3/96
- Bukve, O (1997).: *Kommunal forvaltning og planlegging*. Oslo: Samlaget. Del 6. (K)
- Bunkholdt, V.(1999): *Fosterheimsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring*. Oslo:Universitetsforlaget,. Kap. 2 - 5
- Dahl, Eitinger m.fl (1994): *Lærebok i psykiatri*. Oslo:Universitetsforlaget. Kap. 1 (s. 13-22 og 33-37), kap. 2 (s. 39-52), kap. 3 (s.63-69), kap.6 s.(113-124), kap. 8 (s. 147-170), kap. 9 (s.173-190), kap. 12 (s. 213-224, 229-233 og 240-248), kap. 13 (s. 251, 256-258 og 261-275), kap. 19 (s. 392-394), kap 20 og kap. 21 (s. 419-465)
- Ekeland, T.-J. (2001): *Konflikt og konflikthandtering*,
- Engen,T.O. 1992) "Bidrag til en pedagogisk synsvinkel på fagopplæringas egenart" I Halvorsen, T. og Olsen, O.J. (red.) *Det kvalifiserte samfunn*. Oslo: Ad Notam/Gyldendal (K)
- Fossestøl, B (2001): "Sosialarbeider i velferdstaten - om betydningen av en praktisk orientert handlingsforståelse" i Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo:
- Grue, L (1999) : *Funksjonshemmet ungdom og livskvalitet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal , Kap 2,3,4,5,6,7 (s 56 - 144).
- Hagen, G. og Queshi, N. A (1996): *Etnisitet i sosialt arbeid. Arbeid med minoriteter i barnevern og sosial sektor*, Oslo: Tano Aschehaig
- Haaland, Berit Hognestad (1998): " Får fram barnas historier". I *Embla* 1/98
- Jacobsen,D. I & Thorsvik, J. (1997): *Hvordan organisasjoner fungerer*. Kap. 1-11. Bergen: Fagbokforlaget 380 s.
- Killen, K.(1992): *Faglig veiledning - et tverrfaglig perspektiv*, Oslo: Universitetsforlaget, kap. 2, 3, 4, 8.
- Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red):*Velferdsrett I*, side 365 - 459
- Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red):*Velferdsrett II*, side 45 - 58, 269 - 301
- Kringlen, E (2001): *Psykiatri*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Kap.1, kap. 2(s.10-31) kap.3(s.33-41),kap.4, kap.11(s.114-121),kap.12(s.122-124),kap13(s.144-159),kap.20 og 21(s.204-233),kap.26(268-295),kap28(s.302-305),kap.29(s.306-309), kap.38(s.477-499),kap.41(s.531-540).
- Lahn, L. C. (1992): "Taus kunnskap" i arbeidslivet; et sosialkognitivt innlegg i den yrkespedagogiske debatten. I Halvorsen, T. og Olsen; O.J. (red.) *Det kvalifiserte samfunn*. Oslo: Ad Notam/Gyldendal. (K)
- Larsen, Rikke (1998): "Rettsikkerhet under press" I *Embla* 9/98
- Lauvås, Kirsti og Per (1994): *Tverrfaglig samarbeid. Perspektiv og strategi*. Oslo: Tano Kap. 2-6.
- Lauvås, P. og Handal, G.(1990): *Veiledning og praktisk yrkest teori*. Oslo: Cappelen, Kap. 3-7.
- Lingås, L. G (2000) : *Etikk og verdivalg i helse og sosialfag*. Oslo: Universitetsforlaget, Del 3
- Opstad, L.(2000): *Økonomisk styring i helse- og sosialsektoren* Oslo: Gyldendal Akademisk Kap.8
- Osborg, T.R. og Osborg, P. (1992): *Psykisk utviklingshemmedes søsken*.Oslo: Tano, s. 82 - 105 og s. 129 - 148 (K)
- Quereshi, Nausad (1997): " Til felles berikelse" I *Embla* 10/97
- Schøn, D. A. (1992): *From Technical Rationality to Reflection-In-Action*. Avebury, Aldershot (K)
- Stangvik, G (1994) : *Funksjonshemmede inn i lokalsamfunnet*. Oslo:Universitetsforlaget, s. 53 - 98 (K)
- Svendsen, Eva (1998): "Barn i psykiatrifamilier". *Embla* 1/98
- Tjomsland, S (1997).: *Barnevern og omsorgsovertakelse*. s. 113-126,163- 95. Oslo: Kommuneforlaget



Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir  
Kap. 8

### 3. studieår sosionom

Adams,R; Dominelli, L og Payne, M: *Social Work (1998): Themes, Issues, and Critical Debates*. Macmillan Press Ltd, London. Utvalde kapittel.

Andresen, Ragnhild (red) (2000) : *Fellesskap og sammenhenger*. Oslo: Gyldendal Akademisk, Kap 7

Andenes,A. og Olsen, L.O (1996) : *Sosialrett*. Oslo: Tano, 412 - 450

Bukve, O (1997):. *Kommunal forvaltning og planlegging*. Oslo: Samlaget. Del 6. (K)

Dahl, Eitinger m.fl (1994): *Lærebok i psykiatri*. Oslo:Universitetsforlaget. Kap. 1 (s. 13-22 og 33-37), kap. 2 (s. 39-52), kap. 3 (s.63-69), kap.6 s.(113-124), kap. 8 (s. 147-170), kap. 9 (s.173-190), kap. 12 (s. 213-224, 229-233 og 240-248), kap. 13 (s. 251, 256-258 og 261-275), kap. 19 (s. 392-394), kap 20 og kap. 21 (s. 419-465)

Eikås, M (2002): "Frivillige organisasjoner" Djupvik, AR & Eikås, Magne (2002): *Organisert velferd*.

*Organisasjonskunnskap for sosionom-, barnevernspedagog- og vernepleiarutdanningane*. Oslo: Det Norske Samlaget. Utval kap. frå del 4 (K).

Ekeland, T.-J. (2001): *Konflikt og konflikthandtering*,

Engen,T.O. 1992) "Bidrag til en pedagogisk synsvinkel på fagopplæringas egenart" I Halvorsen, T. og Olsen, O.J. (red.) *Det kvalifiserte samfunn*. Oslo: Ad Notam/Gyldendal (K)

Fossestøl, B (2001): "Sosialarbeider i velferdsstaten - om betydningen av en praktisk orientert handlingsforståelse" I

Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir

Grue, L (1999) : *Funksjonshemmet ungdom og livskvalitet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal ,

Kap 2,3,4,5,6,7 (s 56 - 144).

Hutchinson, Gunn Strand (1999) *Samfunnsarbeid i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget. Utvalde kap.

Jacobsen, D. I & Thorsvik, J. (1997):. *Hvordan organisasjoner fungerer*. Kap. 1-11. Bergen: Fagbokforlaget 380 s.

Killen, K.(1992): *Faglig veiledning - et tverrfaglig perspektiv*, Oslo: Universitetsforlaget, kap. 2, 3, 4, 8.

Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red):*Velferdsrett I, side 187 - 227, 365 - 459*

Kjønstad, Asbjørn og Syse, Aslak (red):*Velferdsrett II, side45 - 58, 269 - 301*

Kringlen, E (1972/2001): *Psykiatri*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Kap.1, kap. 2(s.10-31) kap.3(s.33-41),kap.4, kap.11(s.114-121),kap.12(s.122-124),kap13(s.144-159),kap.20 og 21(s.204-233),kap.26(268-295),kap28(s.302-305),kap.29(s.306-309), kap.38(s.477-499),kap.41(s.531-540).

Lahn, L. C. (1992): "Taus kunnskap" i arbeidslivet; et sosialkognitivt innlegg i den yrkespedagogiske debatten. I Halvorsen, T. og Olsen; O.J. (red.) *Det kvalifiserte samfunn*. Oslo: Ad Notam/Gyldendal. (K )

Lauvås, P. og Handal, G.(1990): *Veiledning og praktisk yrkest teori*. Oslo: Cappelen, Kap. 3-7.

Lauvås, Kirsti og Per (1994): *Tverrfaglig samarbeid. Perspektiv og strategi*. Oslo: Tano Kap. 2-6.

Lingås, L. G (2000) : *Etikk og verdivalg i helse og sosialfag*. Oslo: Universitetsforlaget, Del 3

Opstad, L.(2000): *Økonomisk styring i helse- og sosialsektoren* Oslo: Gyldendal Akademisk Kap.8

Oltedal, S (2001): "Mulegheiter og begrensingar for profesjonalisering av sosialt arbeid" kap 18 I Tronvoll &

Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir

Osborg, T.R. og Osborg, P. (1992): *Psykisk utviklingshemmedes søsken*.Oslo: Tano, s. 82 - 105 og s. 129 - 148 (K)

Schøn, D. A. (1992): *From Technical Rationality to Reflection-In-Action*. Avebury, Aldershot (K)

Stangvik, G (1994) : *Funksjonshemmede inn i lokalsamfunnet*. Oslo:Universitetsforlaget, s. 53 - 98 (K)

Thynes; Paul A (1999): *Sosialt arbeid, lokal organisering og selvhjelp*. Kap 4. Oslo: Tano Aschehoug

Tronvoll & Marthinsen (red) (2001): *Sosialt arbeid - refleksjoner og nyere forskning*, Oslo: Tapir

Kap. 8

q:\sosfag\fagplan\fagplan 2002\ siste fagplan per 22.05.02.doc

*Forskrift for praksisopplæringa ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Volda..*

I *Reglement for studentframmøte, og Forskrift om eksamen ved høgskulen i Volda* , som er trykt i Studiehandboka, finn ein meir detaljert informasjon om dette. Vi gjer særleg merksam på § 5 pkt. 5 når det gjeld vilkår for å gå opp til eksamen.

**Student Fag- Til  
kontoret planar toppen**



- [VIDAREUTDANNING I RUS- OG AVHENGIGHEITSPROBLEMATIKK, 1](#)
  - [Innleiing](#)
  - [Målgruppe](#)
  - [Mål for studiet](#)
  - [Opptakskrav](#)
  - [Organisering](#)
  - [Studie- og arbeidsformer](#)
  - [Fagleg innhald](#)
    - [Temaområde 1: Kunnskap om rusmidlar og rusmiddelbruk](#)
    - [Temaområde 2: Det samfunnsvitskaplege grunnlaget for arbeid med rusproblem](#)
  - [Evaluering](#)

## VIDAREUTDANNING I RUS- OG AVHENGIGHEITSPROBLEMATIKK, 1

### INNLEIING

Dei siste åra har det skjedd endringar i organiseringa av tilbod til menneske med rusproblem. Fylkeskommunane har utarbeidd og iverksett planar for korleis dei skal forebyggje og handsame rusproblem. Kommunane har og eit stort ansvar for ruspolitikken i kommunen og å yte hjelp i nærmiljøet til personar med rusvanskar og familiane deira. Dei faglege behova og ansvaret går fram av St.meld. nr. 69 (1991-92) og Lov om sosiale tenester av 1993.

Behovet for kompetanseoppbygging innan rusfeltet er stort. Arbeidsoppgåvene og funksjonane er mangfaldige og spenner over eit stort spekter. Nokre av desse er førebyggjande arbeid, tidleg rådgjeving til behandling og omsorg. Det er mange instansar og ulike faggrupper innan dette spekteret. Den faglege tilnærminga til rusproblematikken er ofte ulik, og kunnskapsgrunnlaget i dei ulike grunnutdanningane har store variasjonar.

Rusproblematikken og tiltaka krev brei tverrfagleg og sektorovergripande fagleg tilnærming. Her er heilskaplege perspektiv og samarbeidskompetanse vesentlege element. Vidare treng ein kunnskap og innsikt av både teoretisk og praktisk karakter.

Ein prøver å legge vekt på at vidareutdanninga skal ta omsyn til mangfaldet i rusfeltet slik at det samla rusfeltet får ein felles auka kompetanse på rus og samarbeidsproblematikk. Avhengigheitsproblematikk generelt er og eit aukande fenomen i samfunnet vårt. Dette er eit område ein vil vektlegge i studiet.

Høgskulen legg vekt på at vidareutdanninga i rusproblematikk har nære kontakter til praksisfeltet gjennom samarbeid med Midt-norsk Kompetansesenter /Vestmo behandlingssenter.

Kyrkje-, utdannings og forskingsdepartementet godkjende i april 1995 Rammeplan for vidareutdanning i rusproblematikk. Denne fagplanen byggjer på føresetnadene i Rammeplanen.

### MÅLGRUPPE

Vidareutdanninga er primært retta mot fagpersonell i helse og sosialtenesta, som arbeider med rusrelaterte vanskar

på 1. og 2. line nivå, i privat og offentleg verksemd. Studiet skal vere tverrfagleg og tverrsektorielt. Ein vil søkje å nå målgrupper som har høve til å utvikle samarbeid innanfor same geografiske område.

## **MÅL FOR STUDIET**

Ein vil heile tida setje rusproblematikken inn i eit livslauvsperspektiv. Utvikling av kritisk refleksjon over kjønnsproblematikk, etiske vurderingar og eigne haldningar vil og vere i fokus

Studiet har som mål at studentane -

får teoretisk kunnskap om, og utviklar forståing for avhengigheitsproblematikk generelt og rusmidlar spesielt

utviklar sine evner til heilskapeleg tenking og samarbeid slik at dei vert betre i stand til å yte ein betre innsats innan dei ulike instansar og nivå i russektoren.

## **OPPTAKSKRAV**

Deltakarane må ha minst 3-årig høgskuleutdanning i helse, sosial- eller pedagogiske fag.

Det er også aktuelt å ta opp studentar med universitetsutdanning tilsvarande minimum 40 vektal innan relevante fagområde. Søkjarane bør ha minst 1 års relevant arbeidserfaring.

## **ORGANISERING**

Studiet vert lagt opp som ei deltidsutdanning over eitt år med 30 studiepoeng. Det faglege innhaldet er delt i to temaområde: *"Kunnskap om rusmidlar og rusmiddelbruk"* og *"Det samfunnsvitskapelege grunnlaget for arbeid med rusproblem"*.

Undervisninga vert tilrettelagt som vekesamlingar ved høgskulen i Volda eller annan stad. I haustsemesteret er det to samlingar og i vårsemesteret tre.

## **STUDIE- OG ARBEIDSFORMER**

I arbeidet med kunnskapsstoffet tek ein utgangspunkt i aktuelle problemstillingar som ein møter i feltet. Ein legg til rette læresituasjonar der studentane får dele og reflektere over eigne roller og røynsler frå arbeid med rusproblematikk. Desse prøver ein å knyte til den teoretiske kunnskapen frå undervisninga.

Ein vil vidare leggje til rette læresituasjonar, som synleggjer dei faglege grunnane for hjelpeapparatet sin ideologi og tiltak. Studentane sine ulike faglege haldningar og standpunkt bør kome fram ved å stimulere til meningsytringar og debatt.

Gjennom vekesamlingane vil ein nytte fleire læringsformer, som kasusarbeid, rollespel, gruppearbeid og forelesingar.

Dei lange periodane mellom vekesamlingane krev at studentane er medvitne om ansvaret dei har for eigen læreprosess. For å nå måla som er sette for studiet, må studietida utanom samlingane gjennomførast med planmessige sjølvstudier. Ein vil stimulere til organisering av lokale smågrupper/kollokvieverksemd.

## **FAGLEG INNHALD**

Studentane skal utvikle ein felles kunnskapsbasis som grunnlag for å forstå rusproblem i eit breidt perspektiv. Vidare skal dei utvikle kompetanse til å analysere og vurdere korleis rusmisbruk verkar inn på einskildindividet og menneskelege relasjonar. Ein vil presentere ulike teoriar og røynsler som syner dei sosiale, kulturelle, psykologiske og medisinske implikasjonane ved rusmisbruk.

### **Temaområde 1: Kunnskap om rusmidlar og rusmiddelbruk**

Dei temaområda fokuserer mot kulturelle og biologiske aspekt ved rusmiddel og bruk og misbruk av desse. Studentane skal skaffe seg kunnskap om korleis rusmiddelbruk er integrert i kulturtradisjonar og menneskelege

fellesskap og den verknad den har på kropp og helse. Ein vil spesielt trekkje fram familie og kjønnsaspekt, samt sjå på sider av rusmiddelbruk i ulike livslaupsfasar.

***Delemne:***

Rus og rusmiddel i eit historisk og kulturelt perspektiv

Rusmidla, samfunnet og dei sosiale konsekvensane

Forklaringsmodellar, epidemiologi og forbruksutvikling

Rusmidlar, biologiske og toksikologiske aspekt

Somatisk og psykisk helse/skadeverknader

Alder, kjønn og generasjonsperspektiv

Samfunnsmessige og sosiale aspekt ved rusmisbruk

Kartlegging og evaluering innan rusfeltet

Avhengigheitsproblematikk

**Temaområde 2: Det samfunnsvitskaplege grunnlaget for arbeid med rusproblem**

Under temaområde to står dei psykologiske, sosiologiske og samfunnsmessige perspektiva på rusmiddel og rusmisbruk i fokus. Studentane skal skaffe seg kunnskap om korleis rusmiddel grip inn i menneske sine strategiar for meistring, konsekvensane dette har for psykisk helse og for relasjonar og samhandling med andre. Studentane skal utvikle forståing for terapeutisk arbeid med menneske med rusrelaterte vanskar, lovverket og etiske vurderingar.

***Delemne:***

Forståingsmodellar

Førebyggande arbeid

Etikk

Eige forhold til rus

Skadd for livet av mors rus

Born i rusfamiliar

Oppdragelse, ungdom og rus

Kvinner, menn og rus - kjønnsperspektivet

Brukarperspektivet

Ansvarsgrupper

Psykiatri og rus

Rus og sjølv mord

Motivasjonsarbeid og samtalemetodikk

Jus

Spiseforstyrrelser

Spilleavhengighet

## **EVALUERING**

Det er frammøteplikt på samlingane.

Ein nyttar bokstavkarakterar, der beste karakter er A og dårlegaste F. Dårlegaste ståkarakter er E.

Det skal leverast ei skriftleg prosjektoppgåve (individuell eller i gruppe) som skal presenterast for dei andre studentane. Prosjektoppgåva og presentasjonen av denne vert karaktersett.

Det er ein 8 timars individuell skuleeksamen med graderte karakterar for dei som har fått E eller betre på prosjektoppgåva.

Det vert gjeven ein total karakter for prestasjonane i kurset. Prosjektoppgåva med presentasjon tel 1/3 og eksamen 2/3.

Student	Fag-	Til
kontoret	planar	toppen